

# NOREGS KYRKJESOGA

av  
OLUF KOLSRUD

II.  
1500 – ca. 1740

Utgitt av Svein Helge Birkeflet

Oslo  
Biblioteket ved Det teologiske fakultet  
Bibliotek for humaniora og samfunnsvitenskap  
2007

## FORORD

Oluf Kolsrud (1885 – 1945, og professor i kirkehistorie ved Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo 1921 – 1945) holdt i perioden 1930 – 1943 en forelesningsrekke over norsk kirkehistorie fra middelalderen og fram til miden av 1700-tallet. Middelalderdelen av denne forelesningsrekken ble utgitt posthumt, i 1958, av Aschehoug forlag og under redaksjon av Sigurd Kolsrud, Einar Molland og Andreas Seierstad. I forordet skriver redaktørene at "Til millomalderen var manuskriptet so godt som heilt ferdugt til prenting." Kolsruds manuskript til annen del av hans lange forelesningsrekke, om perioden fra reformasjonen og fremover blir derimot ikke omtalt.

Kolsruds manuskript til annen del fantes imidlertid i arkivet til Institutt for kirkehistorie, og på midten av 1970-tallet tok instituttet initiativ til renskrivning av Kolsruds manuskript. Dette resulterte i et 820 sider stort maskinskrevet manuskript. Hvorvidt instituttet også hadde planer om en utgivelse er uklart. Men bok ble det aldri, og i årene etter har noen ytterst få kopier av det maskinskrevne manuskriptet sirkulert i fagmiljøene. Det er dette maskinskrevne manuskriptet som her foreligger i digital form.

Det er flere grunner til at Kolsruds arbeid til den etterreformatoriske perioden nå publiseres:

- Kolsrud var en ruvende skikkelse i norsk kirkehistorisk og historisk forskning, og et omfattende arbeid fra hans hånd bør ikke bli liggende utilgjengelig.
- Manuskriptet til del II av Kyrkjesoga er etterspurt og brukt.
- Bind I av Kyrkjesoga er mye lest.
- Den etterreformatoriske perioden i norsk kirkehistorie er forholdsvis dårlig beskrevet.
- Manuskriptet hører med i dokumentasjonen av den norske kirkehistoriske forskningen og den faglige virksomheten ved Det teologiske fakultet.

Kolsruds originale manuskript foreligger desverre ikke. Det eneste sporet etter det så langt, er sidehenvisningene i innholdsfortegnelsen til det maskinskrevne manuskriptet, samt enkelte henvisninger til det i teksten.



Det maskinskrevne manuskriptet foreligger i tre eksemplarer; det originale maskinskrevne manuskriptet, og to kopier av dette. En sammenlikning av de tre viser helt sammenfall. Det er det originale, maskinskrevne manuskriptet som er brukt i denne pdf-utgaven.

Det 820 sider store manuskriptet er fordelt på to ringpermer, og inneholder innholdsfortegnelse og selve teksten. Innholdsfortegnelsen, utarbeidet under renskrivingen ved Institutt for kirkehistorie, omtaler manuskriptet som "Noregs kyrkjesoga (II), 1500 – ca. 1740". I innholdsfortegnelsen fordeles teksten på seks kapitler, nummerert fra VII – XIII. Årsaken til at manuskriptet begynner med kapittel VII, er at kapittel I-VI regnes som bind I av Kyrkjesoga (jfr kapittelinnstillingen i bind I).

Teksten i manuskriptet følger stort sett beskrivelsen i innholdsfortegnelsen, men med noen unntak:

- I avsnitt IX.3, "Prestegjernigi", mangler endel tekst. Ut fra pagineringen i det maskinskrevne manuskriptet kan det se ut som teksten går ubrutt, men selve teksten viser et brudd mellom s. 38 (i det maskinskrevne manuskriptets paginering) og avsnittets fortsettelse på s. 46. En merknad på s. 38 viser imidlertid at endel sider mangler i Kolsruds håndskrevne manuskript. Det bidrar ytterligere til forvirringen at notene som følger på s. 39 - 45 i virkeligheten er noter til de to foregående avsnittene IX.1 og IX.2.
- Avsnitt XI.9, "Folket og reformasjonen" i den maskinskrevne innholdsfortegnelsen, finnes ikke i teksten. Iflg. notater i innholdsfortegnelsen er den utgått fordi den er trykket.
- Avsnitt XI.10, "Utreinskning av den katolske surdeig" i den maskinskrevne innholdsfortegnelsen, finnes ikke i teksten. Isteden følger i teksten her et unummerert avsnitt med tittelen "Synder og gode seder". Dette avsnittet er imidlertid nummerert som XI.10 i notene til teksten.
- Det omfattende kapittel XIII, som ifølge innholdsfortegnelsen omhandler pietismen, mangler i sin helhet i det maskinskrevne manuskriptet. Den detaljerte innholdsfortegnelsen til kapittel XIII tyder på at teksten aldri kom så langt som til renskriving.

Det maskinskrevne manuskriptet er ikke gjennomgående paginert, men følger oftest, men ikke konsekvent, et system hvor kapitler og/eller avsnitt er paginert separat. Ytterlig forvirrende er det at notene til de enkelte kapitler og avsnitt dels er paginert som del av et avsnitt, dels er føyd til som upaginerte sider. Ofte følger notene

umiddelbart etter et avsnitt, men av og til er notene samlet opp for flere avsnitt. Renskrivingen av Kolsruds manuskript er ikke gjennomført etter et konsekvent system for avsnittsangivelse; noen er angitt med tall, andre med bokstaver, andre uten annet enn tittel.

For å lette bruken av manuskriptet er det gjort to grep i denne digitale utgaven: Det er laget en ny innholdsfortegnelse som svarer til det som faktisk finnes av tekst. Og det er laget en gjennomgående paginering av hele manuskriptet. Denne pagineringen er "lagt oppå" den eksisterende tekst, og slik at det originale maskinskrevne manuskriptet fremstår mest mulig urørt. Og selve teksten i manuskriptet er helt urørt, og publiseres her med alle feil, mangler, korrekturer, notater og inkonsekvente avsnittsangivelse. Denne avsnittsangivelsen er også fulgt i den nye innholdsfortegnelsen.

To ord om den tekniske produksjonen av denne digitale utgaven: Det originale maskinskrevne manuskriptet er rent, men forholdsvis trykksvakt. Dette er derfor laget en master med sterkere trykk, og denne er brukt i scanningen. Manuskriptet er deretter OCR-scannet med Adobe Acrobat 7.0 Professional for å gjøre det mulig å søke i teksten. Men manuskriptets beskaffenhet, på tross av at det er maskinskrevet, åpner for en god del språklige feillesninger av ord i OCR-scanningen. Og ikke minst, ved søking må man ta tilbørlig hensyn til Kolsruds arkaiske nynorsk.

Original og kopier av det maskinskrevne manuskriptet finnes i Biblioteket ved Det teologiske fakultet.

Oslo, mai 2007  
Svein Helge Birkeflet

## INNHOOLD

Forord.....	2
Innhold.....	5
NOREGS KYRKJESOGA II. 1500 - CA. 1740	
Manuskriptets innholdsfortegnelse .....	8
<b>Kap. VII. Framfyrre reformasjonen .....</b>	<b>12</b>
1. Kongedømet og kyrkja. 1523-1526 .....	12
2. Kyrkja i Danmark vert tvikløyvd. 1527-1530 .....	26
3. Reformasjonen i Sverige. 1521-1531 .....	32
4. Det fyrste "Lutheri" i Noreg. 1526-1530 .....	35
5. Brytningar. 1530-1533 .....	50
6. Atterreising og ny strid. 1533-1536 .....	60
<b>Kap. VIII. Kyrkje-reformasjonen innført i Danmark og Noreg .....</b>	<b>72</b>
1. Det biskopelege regimente vert avteke: i Danmark 1536, i Noreg 1537 .....	72
2. Kyrkje-ordinans og superintendentar .....	76
3. Reformasjonsskipnaden innført i Noreg .....	98
4. Færøyane og Island .....	109
<b>Kap. IX. Hovuddrag av den reformatoriske kyrkjeskipnaden .....</b>	<b>120</b>
1. Den frelsande læra .....	120
2. Gudstenesta .....	125
3. Prestegjerningi .....	157
4. Den kyrkjelege tilsyn .....	171
5. Lære-normen .....	172
6. Kyrkjelege instiusjonar .....	175
<b>Kap. X. Sekularisasjon og reduksjon .....</b>	<b>189</b>
a. Bispestolane .....	189
b. Klostri .....	190
c. Dei kongelege kapell .....	198
d. Altarar og preppendor .....	203
e. Kyrkjebygnader .....	204
f. Kyrkjeutstyr .....	207
g. Den kyrkjelege bokskatten .....	212
h. Gildi .....	212
i. Spitalar og sælehus .....	213
<b>Kap. XI. Evangeliseringi av den norske kyrkja .....</b>	<b>216</b>
1. Dei fyrste superintendentane .....	216
2. Danske superintendentar avløyser dei norske .....	221
3. Reformasjonen i stiftsstadene .....	227

4. Landsprestane .....	245
5. Eit nytt evangelisk presteskap - universitetsstudier og skular .....	251
6. Visitasar og provstar .....	260
7. Mangler ved presteskapet .....	263
8. Ingen norsk kyrkjeordinans .....	268
[9. Folket og reformasjonen] Teksten til dette avsnittet mangler i sin helhet	
10. Utreinsking av den katolske surdeig .....	272
Synder og gode seder .....	297
Prestar og soknefolk .....	314
Den kyrkjelege økonomi .....	319
Tienden .....	328
Domkapitli .....	339
Synodar .....	359
Prestekallingi .....	362
Vaart fyrste evangeliske pretestand .....	370
Kyrkjer i forfall .....	376
Kyrkjebygging og –bunad .....	380
Sosiale vilkaar .....	389
[“Forkynningi”] Teksten til dette avsnittet mangler i sin helhet	
Humanisme .....	405
Den rette læra .....	418
Ingen norsk kyrkjeordinans .....	444
Kyrkjeordinansen for Noregs rike. 1607 .....	450
<b>Kap. XII. 1600—talet .....</b>	<b>487</b>
1. Leidande menn føre 1650 .....	487
2. Mot papismen - mot moderkyrkja .....	498
3. Reformasjon av kristenlivet .....	525
4. Betre preste-emne .....	548
5. Prestegjeringi og livet aat prestane .....	566
6. Lover og skipnader .....	579
7. Nils Svendssøn Chronich .....	594
8. Andre spiritualistar .....	617
9. Geistligheten som stand .....	638
10. Eineveldet og kyrkja .....	651
11. Christian V's lover .....	670
12. Christian V's liturgiske bøker .....	691
13. Gudeleg diktning i Noreg .....	710
14. Katekismneupplæringi .....	727
Forkynning og oppbygging .....	747
Utlaparar fraa reformasjonstidi .....	753
Preikor I, skolastisk-asketiske .....	754
Andre preikeforfattarar .....	757
Oppbyggingsskrifter I. Ortodokse .....	759
Oppbyggingsskrifter II. (jfr. Arndt + Jersin) .....	760
Preikor II: Brochmandske .....	764
Barokkstilen .....	768
Blodteologi .....	773
Rørelse .....	774
Aalmenne drag. Kritikkk .....	775
Inderlegom og askese .....	776

Engelsk paaverknad .....	781
Müller, Lassenius, Sriver, Arndt .....	784
Avslutning .....	786
Trolldom I .....	787
Trolldom II .....	799
Religionseinskapen og andre konfesjonar .....	819

[Kap. XIII. Pietismen] Teksten til dette kapitlet mangler i sin helhet

INSTITUTT FOR KIRKEHISTORIE.

Oversikt over innholdet i-

Oluf KOLSRUD: Noregs kyrkjesoga (II), 1500 - ca. 1740

I-VI = ——— I

6 III

Kap. VII. Framfyre reformasjonen..... S. 1254-1481

- 1. Kongedømet og kyrkja, 1523-1526. S.1254
- 2. Kyrkja i Danmark vert tvikløyvd.  
1527-1530 ..... " 1315
- 3. Reformasjonen i Sverige 1521-31 " 1338
- 4. Det fyrste "Lutheri" i Noreg,  
1526-30 ..... " 1351
- 5. Brytningar, 1530-1533 ..... " 1405
- 6. Atterreising og ny strid. 1533-36 " 1439

Kap. VIII. Kyrkje-reformasjonen innført

i Danmark og Noreg ..... " 1482-1697

- 1. Det biskoppelege regimente vert  
avteke, i Danmark 1536, i Noreg  
1537 ..... S.1482
- 2. Kyrkje-ordinans og superintenden-  
tar ..... " 1547
- 3. Reformasjonsskipnaden innført i  
Noreg ..... " 1621
- 4. Færøyane og Island ..... " 1661

Kap. IX. Hovuddrag av den reformato-

riske kyrkjeskipnaden ..... " 1698-1912

1747

- 1. Den frelsande læra ..... S.1698
- 2. Gudstenesta ..... " 1754
- 3. Prestegjerningl ..... " 1838
- 4. Den kyrkjelege tilsyn ..... " 1875
- 5. Lære-normen ..... " 1876
- 6. Kyrkjelege institusjonar ..... " 1886

1747

Kap. X. Sekularisasjon og reduksjon.....S. 1913-2017

Innleiding .....	S 1913
a. Bispestolane .....	" 1915
b. Klostri .....	" 1921
c. Dei kongelege kapell .....	" 1953
d. Altar(ar) og prepedor .....	" 1965
e. Kyrkjebygnader .....	" 1970
f. Kyrkjeutstyr .....	" 1985
g. Den kyrkjelege bokskatten .....	" 2007
h. Gildi .....	" 2010
i. Spitalar og sælehus .....	" 2015

Kap. XI. Evangeliseringi av den norske kyrkja.....

1. Dei fyrste superintendentane ...	" 2018
2. Danske superintendentar avløyser dei norske .....	" 2020
3. Reformasjonen i stiftsstadene..	" 2046-73
4. Landsprestane .....	" ✓ 842-49 og 937-66
5. Eit nytt evangelisk presteskap. Universitetsstudier og skular. Deknar .....	" 557-71
6. Visitasar, provstar .....	" 853-63 og 924-36
7. Manglar ved presteskapet .....	" ✓ 917-23
8. Ingen norsk kyrkjeordinans .....	" ✓ 982-94
9. Folket og reformasjonen .....	" ✓ 1015-24b
10. Utreinking av den katolske surdeig .....	" <u>utgår, er trykt, s-1-39</u>
Ask V: Prestar og soknefolk .....	" 40-46 og 1-57, 1-42, 1-49
Ekteskapet og reformasjonen i Noreg .....	" 1-16
Den kyrkjelege økonomi og striden om tienden .....	" <u>utgår, er trykt, s-1-49</u>
Domkapitli, synodane .....	" 43-46 og 1-62
	" 1-58 og 1-22

## Ask V: (forts.)

Prestekallingi .....	s.	23-49
Vaart fyrste evangeliske prestestand .....	"	1-24
Kyrkjur i forfall .....	"	1-14
Kyrkjebygging og-bunad ....	"	1-22
Sosiale vilkaar .....	"	1-60
"Forkynningi" .....	"	1-7
	"	1-60
Humanisme .....	"	1-58
Den rette læra .....	"	1-109
Ingen norsk kyrkjeordinans (Sjå punkt 8) .....	"	1-14
Kyrkjeordinansen for Noregs rike. 1607 .....	"	1-114

## Kap. XII. 1600-talet:

Innleiing .....	"	1- 3
21. Leidande menn føre 1650 .....	"	4-45
2. Mot papismen - mot moderkyrkja ..	"	1-106
3. Reformasjon av kristenlivet .....	"	1- 93
4. Betre preste-emne .....	"	1- 74
5. Prestegjeringi og livet aat pres- tane .....	"	1- 55
6. Lover og skipnader .....	"	1- 68
7. Nils Svendssøn Chronica .....	"	1- 88
8. Andre spiritualistar .....	"	1- 74
9. Geistligheten som stand .....	"	1- 47
10. Eineveldet og kyrkja .....	"	1- 63
11. Christian V's lover .....	"	1- 65
12. Christian V's liturgiske bøker...	"	1- 64
13. Gudeleg dikting i Noreg .....	"	1- 42
14. Katekismeupplæringi .....	"	1- 73
Forkynning og oppbygging .....	"	1- 35
Utløparar fraa reformasjonstidi	"	36- 40
Preikor I, skolastisk-asketiske..	"	41- 57
Andre preikeforfattarar .....	"	58

1-177



Uppbyggings skrifter I, Ortodokse .....	s.	59-	64	} 1-17
- " - II, Arndt, Jersin .....	"	65-	83	
Preikor II, Brochmandske, A .....	"	88-	92	
- " - , B .....	"	93-	107	
Barokkstilen .....	"	108-	132	
Blodteologi .....	"	133-	134	
Rørelse .....	"	135-	137	
Aalmenne drag. Kritikk .....	"	138-	142	
Inderlegom og askese .....	"	143-	154	
Engelsk nåverknad .....	"	155-	164	
Müller, Lassenius, Sriver, Arndt .....	"	165-	174	
Avslutning .....	"	175-	177	
Trolldom .....	"	1-	34	
Trolldom II .....	"	35-	78	
Religionseinskapen og andre konfesjonar	"	1-	09	
		107-	111	
		10-	22	
		12-	19	
		23-	33	

### Kap. XIII. Pietismen.

Dei fyrste pietistar .....	"	1-	52	} 1-113
Dei fyrste reformer i pietistisk aand ...	"	1-	34	
Heidningemisjonen .....	"	35-	113	
Th. v. Westen .....	"	1-	55	} 1-111
Dei sju prestane .....	"	1-	24	
Skriftemålet .....	"	25-	30	
Ekskommunikasjon .....	"	31-	32	
Kyrkjedisiplinen .....	"	33-	41	
Preika og kristendomskunnskapen .....	"	42-	58	
Synder og laster .....	"	60-	94	
Dei fattige .....	"		95	
	"	96-	111	
Finnane .....	"	1-	29	} 1-238
Thomas von Westen og misjonen blandt fin- nane .....	"	1-	200	
Biskop Peder Krog og Finnemisjonen .....	"	201-	232	
Etter 1727 .....	"	233-	238	

## Kap. VII. Framfyre reformasjonen.

### 1. Kongedømet og kyrkja, 1523-1526.

I Christiern II's siste regjerings-aar<sup>1</sup> hadde kongen og hans menner ført ein meir aktiv og paagaaande politikk imot kyrkja i alle tri nordiske rike. Kongen hadde, av ymse indrepolitiske grunnar, gange vyrdlaust og brutalt fram imot tenerane aat kyrkja - me kann minna um blodbadet i Stockholm i 1520, um aatferdi imot erkebiskop Erik Valkendorf, um fengslingi av biskop Jens av Odense, o.m. Paa den andre sida hadde han gjort positive tiltak til ei forbetring av tilhøvi paa ymse umraade i kyrkja, ved ei reform<sup>lov</sup>gjeving, som heilt ut heldt seg paa gamall grunn, men som likevel i mange stykke greip inn i fridomen aat kyrkja som sjølvstyrt samfund.

I mars 1523 tvang dei politiske tilhøvi i Danmark kong Christiern til aa fara fraa land og rike, og hans farbror Fredrik<sup>5</sup> vart teken til konge i hans stad. Det var naturlegt, etter alt som var hendt, at der kom ein kraftig reaksjon ovanpaa Christierns vilkaarlege hardstyre og jagande reformtiltak. Det var kyrkja, som hardast hadde faatt kjenna hans øvvelde, og millom dei mange og store klagemaal som vart reiste imot den utdrivne kongen, stod difor krenkingane imot kyrkja fremst, som dei tyngste.

I Christierns synderegister vert det klaga over innkallingi av kjøttarske predikantar til Kjøpenhamn, blodbadet i Stockholm, fremjingi av den uverdige Didrik Slaghek til erkebiskop i Lund, framferdi imot biskop Karl av Hamar, liknande aatferd imot biskop Jens av Odense, og andre hendingar. Der vert minnt um, at han skattla kyrkja og tok ifraa hennesprivileg og fridomar; alle erkebispestolane i Norderlandi stod tome, likeins otte bispestolar, "for hans ukristelige gjerninger og uskjellige regiment" skuld.<sup>2</sup>

Difor gjekk der, samtidig med kongeskiftet, fyre seg ein restaurasjon i samfundet og i kyrkja. Christierns II's danske lover vart brent paa Viborg landsting 26.mars 1523. Og baade i Danmark og i Noreg vart den nye kongen Frederik I bunden ved handfestingar, den danske vedteken 3.august 1523, den norske 24.november 1524, som stadfesta retten og fridomen aat den gamle kyrkja som fyrr.

Kongen trygda for den norske kyrkja - likesovel som for den danske - den kanoniske valretten,<sup>3</sup> jurisdiksjon<sup>4</sup> og rettargangsorden<sup>5</sup>, og raadsrett over sitt gods og sine undergjevne bønder og tenarar.<sup>6</sup> Han gav

biskopane løyve til aa befesta gardane sine,<sup>7</sup> og avtok Christiern II's forbod mot at kyrkja dreiv handel.

Men samstundes vart det, for fyrste gong i dansk og norsk lovgjeving, sett inn i handfestingane ein garantiartikel til vern imot kjættarar, serlig Luthers tilhengjarar. "Item ville eller skulle vi aldri tilstede nogen kjættare, Lutheri discipler eller andre, at predike eller lære, lønlige eller aabenbarlige, imod den himmelske Gud, den hellige kirkes tro, helligste fader paven og Romerkirken, men hvor de findes udi vort rige Norge, ville og skulle vi lade straffe dem ved deres liv og gods".

Artikelen er likelydande i baae handfestingar og hev den mest framskotne plass han kunde faa, som art. 2, etter den lste aalmenne artikkel-en um at kongen vil verna den heilage kyrkja og halda ho ved alle hennar privileg, fridomar od sedvanar.

Det var utan tvil Christiern II's innkalling av lærarar og predikantar fraa Wittenberg til Kjøpenhamn i 1521 som var motivet til aa krevja av kong Frederik I vern imot den lutherske kjættarskapen. Me veit ikkje av at der i dei nærmaste aari etter 1521 kom til orde nokon lutherdom i Danmark, og enndaa mindre i Noreg. I den norske handfestingi fraa 1524 er Luther-artikelen uppteken etter den danske.

Men kyrkjemennene baade i Danmark og i Noreg fylgde i 1523 og 1524 med vake auga utviklingi av lutheranismen i Tyskland. Det vara ikkje lenge, innan den utdrivne Christiern II nærma seg Luther; kongen kalla Luther til seg og hørde han preika; han tok opphald i Kursachsen - hans morbror Frederik den vise var landsherre der - og budde i Wittenberg vinteren 1523-24, i huset hjaa Luthers ven maalaren Lucas Cranach, og var ofte saman med Luther. Han paala dronningi si, Elisabeth, syster til keisar Karl V, aa taka nattverden paa luthersk vis,<sup>8</sup> og det var den vanlege meining, at Christiern var ein tilhengjar av "den lutherianske sekt".<sup>9</sup>

Christiern let sine fylgesmenner gaa i veg med aa setja um den Heilage Skrift til dansk, forat "Guds ord skulde fange begyndelse iblandt folket". Det Nye Testamentet, som vart umsett noko etter Erasmus's latinske N.T. av 1516, noko etter Luthers tyske N.T. av 1522, kom ut paa kong Christierns kostnad i Wittenberg 22. august 1524. Men alt i juni gjekk det rykter i Danmark um at kong Christiern "skal have ladet nu prentede nogle tusinde bøger paa dansk maale av alle de kjetterlige stykker og artikler, som Luther predicerer og lærer imot den hellige romerkirke og menige kristendom, med hvilke stykker kong Christiern akter at forderve den hellige kristne tro og kirke her i Danmark".<sup>10</sup>

Difor gjorde Danmarks riksraad og adel um sumaren 1524 ein serleg

og høgtideleg avtale og lovnad, at dei som sine forfedrar vilde halda fast ved lydnamen mot paven og romarkyrkja "og staa haardeligen og kristeligen imod det forløbne aabenbare kjetteri og vildfarelse, som de forløbne munke, broder Morten Luther og hans disciple predike, skrive og lære", aa straffa "den hellige kristæ. tross fiender og uvenner paa deres person og gods med taarn, fengsel og all anden tilbørlig straff," etter kyrkjelovi og keisarlovi, - og aa retta seg etter det som vert vedteke paa eit aalment kyrkjemøte.<sup>41</sup>

Frederik I maatte difor, i motsetnad til Christiern II, etter sin kongelovnad i den danske handfesting, reknast for den beste studnad og vern for den gamle kyrkja. Og sjølv um Noreg framleides heldt fast ved Christiern, etter at han var utdriven av Danmark, so vart nordmennene tvungne, ved Christierns luthervenlege stilling, til aa venda seg fraa honom og hylla Frederik I som norsk konge. Den nye erkebiskopen av Nidaros, Olav Engelbriktsson, uppsøkte Christiern II i Mecheln, daa han for til Rom for aa henta pallium sumaren 1523, og svor honom truska.<sup>42</sup> Men paa heimvegen vitja han etter innbjoding kong Frederik I paa Flensborg slott og lova kongen, at han "vilde være Hans Naade tro og huld, all den stund han holdt kirker, klostre og deres personer ved deres givne privilegier, friheder og makt".<sup>43</sup> Utan tvil var det Frederik I's loyalitet mot den gamle kyrkjeskypnaden som gjorde honom akseptabel som norsk konge, for erkebiskopen.

Paa møte i Bjørgvin i august 1524 sa Noregs riksraad upp lydnamen imot Christiern II,<sup>44</sup> fordi han hadde ført eit "ukristeligt, umildt og urettferdeligt regimente", og hadde brote si handfesting. Deretter valde riksraadet Frederik I til konge, paa det vilkaar at han stadfeste riksens fridomar og privileg.<sup>45</sup>

Den handfesting som det norske riksraadet sette upp, og som Frederik I vedtok i Ribe 24.november 1524,<sup>46</sup> er uttrykk for ein medviten nasjonal politikk. Det er karakteristisk, at der ikkje denne gong, som ved dei tvo fyregaaande kongevali, i 1483 og 1513, vert utferda ei unionshandfesting, men serlege handfestingar for kvart rike. Og forutan dei artiklar som var sams for baae handfestingar - derimillom garantiartikelen imot den lutherske kjettarskapen - inneheldt den norske ei lang rekkja reint norske artiklar (22 av 53), som klaart hevda Noregs politiske sjølvstende og eigne interessor.<sup>47</sup> Viktige var her for kyrkja tvo artiklar, som gav høve til aa verna um innfødsretten ogso til kyrkjeembete - nemleg retten til fritt val av erkebiskopar, biskopar og prelatar, og retten for riksraadet til aa samtykkja i utnemningar til kyrkjeembete som kongen hadde kallsrett til - d.e. dei kongelege kapell, fyrst og fremst provstedømi i Bjørgvin og Oslo. Difor legg

kyrkja no vinn paa aa faa tilbake den kyrkjelege raaderetten over kyrkjeembete og kloster som kongen hadde vunne eller teke seg makt over.

Dekanatet ved Domkyrkja i Bjørgvin vart løyst ifraa unionen med det kongelege kapell Allehelgenskyrkja, og dermed gjort fritt fraa den kongelege kallsretten.

Klostersekulariseringane, som hadde byrja under Christiern II, vart motarbeidde - kyrkjeleg fyrestandar vart fyreslegen for Dragsmark 1523, og innsett i Gimsøy 1524.<sup>18</sup>

Men samstundes utviklar det seg paa tvo hovudpunkt ein konstitu-sjonell praksis, som fører til avgjerande principielle konsekvensar - tilhøvet aat kongen til dei kyrkjelege bispevali, og tilhøvet til Rom..

Det er karakteristisk for den kyrkjelege situasjon i Noreg i slutten av millomalderen, at der ikkje vert gjort motmæle fraa kyrkjeleg sida imot den kongelege samtykkeretten ved bispevali. Dette spursmaalet, som tidlegare var so brennande, serleg paa 1450-talet, synest no ikkje lenger aa vera aktuelt. Dei frie kyrkjelege val vert hevda som ein rett for kyrkja og praktiserte av veljarane, og dei vert offisielt godkjende av kongen (Frederik I i handfestingar, den danske art.6, den norske art.14). Men samtidigt søker veljarane, eller den valde sjølv, kongens samtykke. Denne samtykkepraksis, som motstrevande vart innleidd i Christiern II's siste aar, fekk etterkvart den form, at den valde, etter aa ha oppnaatt kongens samtykke, av kongen vert innstilt til konfirmasjon av erkebiskopen. Daa erkebiskop Erik Valkendorf var død, valde Nidaros kapitel sin dekanus Olav Engelbriktsson til hans ettermann, og bad kong Christiern II "samtykkja og fullbyrda dette valet" (4/6 1523).<sup>19</sup>

Til biskop over Holar stift valde presteskapet der i bispedømet i 1522 Jón Arason. Kong Frederik I samtykte i valet, og gav Jon fyremæling til erkebiskopen, Olav Engelbriktsson, til "konfirmats" og ordinasjon (14/3 og 14/6 1524).<sup>20</sup>

Serleg forvitneleg er bispevalet i Oslo. Med kong Christiern II's hjelp hadde hovudsmannen paa Akershus mester Hans Mule trengt ut biskop Anders Mus av embetet. Anders Mus sa i fraa seg bispestolen i 1521, Oslo kapitel valde Hans Mule, og 18 provstar og sokneprestar samtykte i valet (29/9 1522).<sup>21</sup> Alt dette skjedde under tvang, og daa kong Christiern var driven av landet, tok Anders Mus embetsfraa-seggingi tilbake (11/8 1523),<sup>22</sup> og vart sett innatt av paven, 22. januar 1524.<sup>23</sup> Hans Mule, som nok i hjarta var Christiern II's mann, vann Frederik I's studnad ved aa hylla honom, og naade sitt maal, bispestolen, ved ein motbydeleg politisk handel med kongen.<sup>24</sup>

Akershus slott var eit av dei viktigaste punkt for den som vilde

ha makti i Noreg. Etter Christiernes fall tevla dansken Hans Mule um slottet med det norske riksrådet sunnanfjells, som hadde sin leidar i nordmannen Olav Galle. Hans Mule gjorde kontrakt med kong Frederik I, innan han var teken til konge i Noreg,<sup>25</sup> at kongen skulde skaffa Hans Mule stadfesting av paven paa hans val til biskop i Oslo, og so snart denne stadfesting var i orden, skulde Hans Mule overgjeva Akershus slott til den som kongen vilde tru det til. Men til so lenge skulde Hans Mule halda slottet til kong Frederiks og Danmarks - ikkje Noregs ! - riksråds hand og ingen annan.

Det lukkast ikkje Frederik I aa faa paven til aa godkjenna Hans Mule. Clemens VII sette som nemnt Anders Mus inn att i embetet og samtykte i at biskopen kunde reisa rettssak mot Hans Mule fyre oppnemnde domarar i landet for hans overgrep. Men det lukkast Hans Mule med kong Frederiks og Danmarks riksråds hjelp aa faa Anders Mus til aa draga seg attende for andre gong, - no ikkje med tvang, men ved hjelp av fyremunlegt forlik: Kongen gav Anders Mus eit godt len: Tunsberg len og by, paa livstid, og han fekk hava den luten av Oslo bispedøme som ligg vest for Oslofjorden og eit par prestegjeld i Viki.<sup>26</sup> Kong Frederik fyremælte deretter Hans Mule for erkebiskopen til konfirmasjon og vigsla, og Hans vart vigd i august 1524, men paa det vilkaaret, at Anders Mus skulde ha rett til aa faa att bispestolen, um han overlevde Hans Mule.

Alt dette skjeddde fyrr Frederik I var vald til norsk konge og fyrr den norske handfestingi var vedteki av riksrådet og kongen. So snart det var gjort, var nordmennene i stand til aa kryssa interessorne aat kongen. I lensstyringi sette Noregs riksråd sin vilje igjenom imot kongen, og riksrådet hindra no ogso kongen i aa faa sin vilje fram med kyrkje-embete.

Til provstedømet ved det kongelege kapell Apostelkyrkja i Bjørgvin prøvde kong Frederik I i 1524 faafengt aa utnemna fyrst ein so ein annan dansk mann. Um hausten vart Oslo bispestol ledig, daa Hans Mule drukna, snaudt tvo maanader etter at han hadde naat<sup>t</sup> sitt maal. Til biskop i Oslo ynskte kongen sin sekretær Iver Jul, ein dansk adelsmann, ein av dei som det ikkje hadde lukkast honom aa faa gjort til provst i Bjørgvin. Men dette var imot handfestingi. Den danske riddaren dr. Vincents Lunge, som var medlem av det norske riksrådet og rekna seg for ein god norsk patriot, sette seg imot Iver Jul, og fekk Anders Mus, som no hadde rett til aa taka bispeembetet igjen, til aa overdraga retten sin til meister Hans Rev, kannik i Trondheim. Hans Rev var ein velstudert dansk mann, som lenge hadde vore i norsk tenesta hjaa erkebiskop Erik Valkendorf, som hans sekretær, m.a. ved utgjevingi av dei liturgiske bøkerne for den norske kyrkja. Kongen gjekk med

paa aa lata erkebiskop Olav og hr. Vincents Lunge døma millom Anders Mus og Iver Jul. Oslo kapitel samtykte i Anders Mus's val av Hans Rev. Men av umsyn til Oslo domkyrkja sin "besynnerlige poverdom"<sup>27</sup> let Hans Rev vera aa reisa personleg til Danmark for aa henta "samtykke og fullburd" paa bispedømet hjaa kongen, og av same grunn var det vel, at han heller ikkje søkte utnemning i Rom. Den eigenlege og avgjerande akt for denne bispeutnemning vart soleis stadfestingi aat erkebiskopen. Som det apostoloske sætes legat og som formann i det norske riksrådet representerte erkebiskopen i sin person paa same tid baade pavedømet og kongedømet, den høgaste kyrkjelege og den høgaste verdslege makt. Endaa um erkebiskop Olav personleg stadigt heldt fast ved lojalt samband med Rom,<sup>28</sup> kunde det for kongen liggja nær aa lata kyrkjelege embetsutnemningar avgjera innanlands, ved erkebiskopen, utan paven.

Det var likevel ikkje i Noreg, men i Danmark, at utviklingi av bispevalretten førde til ei avgjerande krise.

I Danmark hadde spursmaalet um erkebispestolen i Lund i mange aar, sidan erkebiskop Byrges død i 1519, vore uløyst og hadde gjeve tilføre til uendelegt krangel. Kapitlet hadde sin kandidat, paven hadde sin, og Christiern II freista med tri erkebiskopsemne etter kvarandre. Lykjelen til aa forstaa striden ligg i standsinteressa aat den danske adelen, som fylgde det program aa vinna herredømet i kyrkja og gjera seg til einherrar i dei høge kyrkjelege embeti - ei standsinteressa som paa same tid bygde paa den sociale motsetnad mot borgarskapet, og paa ein nasjonal motsetnad mot utlendingar, anten dei vart framhjelppt av kongen eller av paven.

I 1474 hadde Christiern I sett seg fyre aa dela makti over kyrkja millom kongedømet og adelen: kongen ynskte rett til aa presentera for paven kandidatar til bispestolane, - og høgare kyrkjeembete næst biskopane skulde fyrehaldast for innfødde adelsmenn og doctores. Paven gjekk ikkje med paa Christierns ynskje. Men fyreretten aat adelen til bispestolar og prælaturar festa seg gjennom praksis til ein tradisjon, og vart med tidi rekna for eit uskrive privilegium. Og likesom Christiern II drog fram dugande uadelege menn i riksstyringi, soleis freista han det same i kyrkja, og det var ikkje aa undrast over, at adelen kjende si maktstilling truga paa baae umkverve, og søkte aa trygda sin rett ved kvart høve som baud seg.

Daa erkebispestolen i Lund vart ledig i 1519,<sup>28a</sup> gjorde kapitlet straks - imot kong Christierns uttrykkjelege paalegg - bruk av sin kanoniske valrett, og valde, utan aa venta paa forslag fraa kongen, Aage Jepsson Sparre, som hørde til den danske høgadelen, til erkebiskop.<sup>28b</sup> Ved dette høve skal der ha vore eit vedtak<sup>28c</sup> - det vert sagt: av riksrådet - um at ingen andre enn menn av adeleg ætt maatte veljast til biskopar i Danmarks rike. Men kongen kravde valt sin sekretær

meister Jørgen Skodborg, ein mann av borgarleg ætt, lærd, klok, dugande, heiderleg og from<sup>29</sup>. Kapitlet bøygde seg og valde kandidaten aat kongen, og Aage Sparre drog seg attende<sup>30</sup>.

Jørgen Skodborg fekk straks ein medtevlar i Rom, i kardinalen Paulus de Cesis, ein fornæm adeleg romar, som ikkje kunde leva av inntekterne av tri bispedøme som han innehadde; han vart utnemnt av pave Leo X til erkebiskop i Lund<sup>31</sup>, ikkje for personleg aa overtaka dette embetet, men for aa hava inntekterne av det attaat dei andre beneficiar, som lønsauke. Det lukkast ikkje kong Christiern aa faa Jørgen Skodborg stadfesta av paven, fordi han ikkje kunde koma overeins med kardinalen um dei økonomiske vilkaari for bytet.

Men vandare vart ~~det~~ med tidi tilhøvet millom Jørgen Skodborg og hans fyrre herre kongen. Den utvalde erkebiskopen vilde ikkje bøygja seg for Christiern, daa kongen tok til aa gaa retten og eidedomane aat erkebiskopen i Lund for nær - det galdt herredømet over Bornholm, som fraa gamalt laag under erkebiskopen. Og tilslutt vart Jørgen Skodborg fortrengt av ein annan av Christierns sekretærar og raadgjevarar, Didrik Slagheck. Denne mann var ein utanlandsk eventyrar, ein klerk fraa Westfalen, som i fleire aar hadde vore i Rom og kom til Norden i 1517 i fylgjet aat den pavelege sendemann og avlatskommissær Arcimboldus - me møter honom fyrste gong i Bergen<sup>32</sup>. Etter brotet millom kongen og Arcimboldus hadde Didrik Slagheck vore i tenesta hjaa kongen, og var hans nærmaste raadgjevar ved blodbadet i Stockholm og kongens utsending i viktige ærend til Rom. Han var ein raa og tarveleg person, duglaus og ureideleg, den reine motsetnaden til Jørgen Skodborg. Med store pengesummar fekk Didrik Slagheck kardinalen til aa gjeva upp sin rett til erkebispestolen i Lund, og vart sjølv utnemnd av pave Leo X (12. juli 1521)<sup>33</sup>. Men alle dei vanskar som taarna seg upp mot kongen som fylgja av blodbadet i Stockholm og den svenske reisning imot daneveldet, vekte snart Christierns vreide mot Didrik Slagheck, - eit par maanader etter at han hadde gjort si innferd i Lund som erkebiskop, vart det reist rettsak mot honom, han vart lagt paa pinebenk, dømt til dauden, ført til galgen og hengt pro forma og deretter brent levande paa Gamaltorg i Kjøpenhamn (24. jan. 1522) - ei straff som alle tykte var fortent.

Til Didrik Slaghecks ettermann utsaag Christiern II atter ein av sine sekretærar, ein utlending, mester Johann Weze, ein westfalsk klerk som hadde havt ei underordna stilling i det pavelege kanselli og nyleg var komen til Danmark, der han hadde gjort kongen viktige tenestor under granskingane um blodbadet i Stockholm. Kapitlet i Lund vart nøydt til aa godkjenna Johann Weze som erkebiskop (febr. 1523), men daa Christiern II kort etter vart utdriven fraa riket,



lukkast det ikkje Johann Weze aa faa utnemning av paven.

Det var ein reaksjon imot denne Christierns kyrkjepolitikk, naar Danmarks riksråd tok den lovnaden av Frederik I i handfestingi 1523, at kongen aldri etter denne dag vilde tilsteda, at nokon skulde veljast til noko bispedøme der i riket utan den som var innfødd i Danmark av riddarar og sveinar, ei heller til noko prelatdøme utan riksens innfødde menn av riddarar og sveinar, eller og doctores i den heilage skrift eller verduge lærde menn, likeeins danske, - og heller ikkje fyreslaa eller tilsteda utlendingar til prelatdøme eller kyrkje-lên. Med denne avgrensing skulde kapitli hava fritt bispeval.

I den norske handfestingi 1524 vart det ikkje innteke noko slikt privilegium for adelen, - det var eit serlegt dansk krav.

Etter Christiern II's utdriving overtok Aage Sparre, som fyrst var vald til erkebiskop av kapitlet i Lund, styringi av erkestolen. Han slutta seg sjølvsagt til Frederik I, og so snart kongen hadde vedteke handfestingi, tok Aage Sparre til aa arbeida i Rom for aa faa paveleg stadfesting, - han la ut mange pengar, men utan framgang.

Daa kom der - samtidig med bondeupprøret i Tyskland - ei stor bondereisning imot herrarne i Skaane, under leidarskap av Christiern II's tilhengjarar. Frederik I, som vart sterkt uppskaka av desse hendingane, tok til aa mista tiltrui til adelen som vern for riket. Daa Aage Sparre synte seg vinglande og ustød under bondekrigen, oppgav kongen honom som erkebiskopsemne i Lund, og gav den uadelege Jørgen Skodborg fyremøling til aa verta stadfesta som erkebiskop. Kardinal Paulus de Cesis drog seg attende, mot pensjon, og Clemens VII utnemnde Jørgen Skodborg til erkebiskop i Lund, 29. november 1525<sup>34</sup>.

Hermed hadde den lange striden vore løyst, og det paa beste maate, um ikkje den danske adelen hadde teke saki i si hand. Frederik I's fyremøling for Jørgen Skodborg og hans utnemning streid imot handfestingi, og dei standsinteressor som for adelen var knytte til privilegiet um einerett til bispestolane, var for store til at herremennerne var huga til aa gjeva dei upp so snøgt, - tvertimot kravde no riddarskapet sine privileg utvida paa kostnaden aat kyrkja.

Paa herredagen i Kjøbenhavn um sumaren 1525 sette utanraadsadelen fram fem store krav: fyrst, at alle prælaturar og kanikdøme skulde fyrehaldast adelen, og uadelege prestar nøgja seg med soknekall i kjøpstaderne og paa landet, - dinæst, at alle herrekloster maatte verta forleningar under adelen, - vidare at kyrkjegods som fyrr hadde høyrte adelen til, maatte koma attende til adelen, gjennom arv eller kjøp, - og endeleg at adelen skulde faa den kyrkjelege jurisdiksjon over sine undergjevne, likesovel som den kongelege<sup>35</sup>.

- Alle desse krav vart avvist av biskoparne<sup>36</sup>. Men dei kom att seinare.

Det lukkast ikkje Jørgen Skodborg aa bryta det adelege motstandet mot hans utnemning til erkestolen i Lund. Saman med kapitlet i Lund arbeidde Sparre-ætti utrøyttelig for det adelege erkebiskopsemnet, og overtala tilslutt kongen<sup>37</sup>. Etter at Aage Sparre hadde betalt Frederik I 3000 gylden til forsvaret av Skaane, hogg kongen og dei verdslege adelsmennene i riksrådet knuten over ved aa leggja striden millom Jørgen Skodborg og Aage Sparre under dom av kongen og riksrådet og samtykte i at Aage Sparre skulde styra erkestolen so lenge, til dom var sagt<sup>38</sup> (19.august 1526).

Aa draga ei kyrkjeleg sak som denne under verdsleg dom var ei direkte krenkjing av kyrkjeфриdomen, - ingen av biskopane var med paa dette - og serleg var det eit brot med Rom, fordi den eine av dei tvo partar som kongen og rådet tok seg til aa døma imillom, var utnemnd av paven sjølv.

Nokon dom vart aldri sagt - Aage Sparre vart sitjande paa Lunds erkestol i kraft av det samtykke han hadde fenge av kongen og riksrådet, utan aa verta vigd. Men paa herredagen, eller riksrådsmøtet, i Odense i desember 1526, der ogso biskoparne var tilstades, vart det teke ei prinsipiell avgjersla<sup>39</sup>, nemleg 1) at stadfesting og utnemning til bispedøme og prelaturar skulde ikkje søkjast i Rom, men innanlands hjaa erkebiskopen, og 2) at utnemningsavgifti (servitium) ikkje skulde betalast til paven, men til kongen, til riksforsvaret. - Visstnok ynskte riksrådet, d.v.s. biskopane, at kongen skulde forhandla med Rom um denne sak. Men det vart ikkje gjort. Bandet med Rom var dermed løyst paa eit viktig punkt, og eit stort steg gjort paa vegen til aa skipa ei Rom-фри landskyrkja. Paa danske bispeval vart det etter denne dag aldri meir søkt stadfesting av paven - samtykke av kongen og riksrådet vart sidan det avgjerande.

Daa adelskravi fraa 1525 (sjaa ovfr. s.8) atter kom fram ved herredagen i Odense 1526, let dei seg ikkje lenger avvisa. Spursmaali um herreklostri og um den kyrkjelege jøurisdiksjon lukkast det biskopane aa halda undan, ved aa lova reformer. Men dei lempa seg etter kravet um tilbakevinning fraa kyrkja av adelegt jordegods. Og til gjengjeld tok prelatarne den lovnad av adelen, at herremennene skulde halda ved makt friдомane og rettane aat kyrkja og serleg verja henne "mot Luthers ukristelige lærdom" (6/12 1526)<sup>40</sup>.

Samtidig med oppløysingi av sambandet med Rom tok Danmark soleis avstand fraa den lutherske lærereformasjon som kjøttarskap. Kyrkja i Danmark heldt fast ved si nedervde skipnad og læra, - som ei Rom-фри katolsk kyrkja.

Men i det siste aaret, 1526, hadde det skjedd eit viktig umslag

hjaa kong Frederik I, paa tvo maatar: han hadde teke ei onnor politisk stoda til den kyrkjelege situasjon i utlandet, og han hadde personleg nærma seg den lutherske reformasjonen.

I dei fyrste aari etter kongeskiftet i 1523 tyktest den beste maaten til aa motarbeida den reformasjonsvenlege Christiern II aa vera den som Danmarks riksråd og adel valde, daa dei - som fyrr nemnt - i 1524 forplikta seg til aa staa imot den lutherske kjættarskapen med makt og halda seg til den <sup>heilage</sup> aalmenne trui og lata trudomsstriden avgjerast av eit aalment <sup>n</sup>koncilium. Med dette slutta Danmark seg til den atterhaldne keisarlege reformasjonspolitikken<sup>41</sup>.

Tvo aar seinare var stoda ei heilt onnor. Christiern II hadde berre skapt vanskar for seg ved aa te seg som lutheranar. Dei fyrstane han kunne stydja seg til for sine attervinningsplanar, var alle katolske, og til sjuande og sist var der ingi hjelp aa venta utan fraa Karl V. Men det var det same som aa gjeva dei nordiske rike under keisar og pave.

For kong Frederik I var det difor no mest von i aa halda seg til det tyske evangeliske fyrstesambandet som heldt paa aa laga seg, og i det heile til fiendane aat keisaren. I mai 1526 vart det i Torgau skipa eit forsvarssamband av dei evangeliske fyrstane i det tyske riket, med kurfyrst Johann av Sachsen og landgreiv Filip av Hessen i brodden. Paa riksdagen i Speier august 1526 kravde keisaren Worms-ediktet gjennomført, men det evangeliske partiet sette igjennom, at solenge til eit aalmennt koncilium vart samla og hadde avgjort trudomsstriden, kunde dei tyske fyrstane og byane stella seg i religionsspursmaalet slik som kvar vilde forsvara for Gud og keisaren. Av dette vedtaket tok fleire tyske fyrstar og byar seg straks rett til aa grunnleggja evangeliske landskyrkjor, utan omsyn til paven, - fyrst og fremst Kursachsen og Hessen, fleire smaa fyrstedøme som Mansfeld, Lüneburg, Nürnberg, og ei rekkja byar, i Nordtyskland m.a. Braunschweig, Bremen, Hamburg.

Avgjerande for Danmarks tilhøve til den tyske reformasjonsrørsle vart den framgang som lutherdomen fekk i hertugdømi Slesvig og Holstein, kong Frederiks eigne arveland. Luthers læra vart forkynt i Hiesum i NordSlesvig av presten Hermann Tast alt i 1522<sup>42</sup>, i dei fylgjande aar paa fleire stader, og slo sterk rot i Haderslev, som vart eit midtpunkt for rørsle. Talrike studentar fraa Slesvig og Holstein søkte til Wittenberg og førte Luthers læra med til heimlandet. I hertugdømi la Frederik I ingen hindringar i vegen for lutheriet, - daa han fornøya lands-privilegia l 1524, vart der ikkje teke nokon lovnad av honom um vern mot den lutherske kjættarskapen soleis som i Danmark og Noreg.

Blandt adelen i Slesvig-Holstein og millom Frederik I's slesvig-holsteinske raadgjevarar var dei mest framstaaande tidleg vunne for lutherdomen, millom dei stormannen Johan Rantzau og den hertogelege kanslaren Wolfgang von Utenhof. Frederik I's eldste son hertog Christian - sidan kong Christian III - hadde, 18 aar gamall, saman med Johann Rantzau vore tilstades ved riksdagen i Worms i 1521, og var sidan den tid ein avgjort tilhengjar av Luther. Ved sitt brudlaup i 1525 fekk Christian NordSlesvig i len, og neste aar sette kongen honom til ~~statthalder~~ stadhaldar over baee hertogdømi. Han opna straks dørene for den nye læra, fyrst og fremst i sitt eige land, og kongen hindra honom ikkje i det.

Paa landdagen for hertogdømi i den holsteinske byen Rendsburg i mai 1525 vart det klaga over dei ulærde prestane, og Frederik I sette det vilkaar til presteskapet for aa uppebera kyrkjelege inntekter, at dei skulde lata forkynna "det heilage evangelium" og ikkje fablar, men dei maate heller ikkje preika imot heilagmenni, - m.a.o. kongen tenkte seg ein bibelsk reform paa den gamle grunn.

Paa neste landdagen, i Kiel i februar 1526 kravde biskopen ein uttrykkeleg lovnad av kongen um aa underkua "den martinianske sekt" i hertogdømi, men fekk avslag; regjeringi vilde ikkje skrida inn imot dei lutherske predikantane, - kongen hadde alt utferda vernebrev for fleire slike. Hertog Christian gjorde alt no ein forhasta freistnad paa aa innføra ein luthersk kyrkjereform i sitt eige umraade, Nord-Slesvig, - det førte ikkje fram, men han grunnla ein evangelisk presteskule<sup>43</sup> i Haderslev, der han hadde sin residens, skulen vart leida av tvo innkallte tyskarar, Wittenberg-magisteren Johann Wentz (Wandal) fraa Goslar, og den fyrre augustinprovsten i Halberstadt Eberhard Weidensee, som baee var avgjorte tilhengjarar av Luther.

Ved denne tid tok Frederik I til aa leggja for dagen sympati for lutherdomen. Overtalt av sin hertogelege kanslar Wolf von Utenhof gjekk kongen fyrst i 1526 med paa aa gifta burt dotter si til ein luthersk fyrste, hertog Albrecht av Preussen. Hertogen hadde vore stormeister for den Tyske Orden, men slutta seg i 1525 til Luther, umskipa ordenslandet til eit arvelegt hertogdøme under lenshøgde av Polen, og tok til aa reformera luthersk. Frederik I's samtykke til dette giftarmaalet var eit demonstrativt brot med katolsk kyrkjeorden - hertogen var likesom Luther ein burtlaupen munk, som no braut sin cølibatlovnad. - Um sumaren 1526, ved den tid brudlaupet stod (22. juni) byrja Frederik I, og fleire i hans umgjenge, aa bryta dei katolske fastereglane. Og rikshovmeisteren Mogens Gjø, som hadde ein kapellan som hadde butt i huset hjaa Luther i Wittenberg, tok til aa

njota nattverden paa luthersk vis.

Frampaa aaret 1526 hadde det enndaa ikkje vore høyrte luthersk forkynning i Danmark, sidan Wittenbergarane hadde verka i Kjøbenhavn 1521. Det hadde ikkje vore nokor kjættarsk uro i den danske kyrkja i desse fem aari. Men Luthers læra hadde nok i det stille vunne ymse tilhengjarar - Christiern II's danske Nytestamente av 1524 hev visseleg verka til det -, og fleire unge danskar<sup>44</sup> hadde studert ved Universitetet i Wittenberg, millom dei Johannitmunken Hans Tausxen, som var der paa andre aaret 1523-24. Han hev truleg forkynnt luthersk læra i sitt kloster, fyrst i Antvorskov paa Sjælland, og deretter i Viborg, dit han vart flutt i 1525. Det var truleg utpaa vaaren 1526, visstnok i april-mai, at dei fyrste lutherske predikantane i Jylland tok til aa upptøda aggressivt imot Rom. Den fornemste millom dei var Hans Tausxen, men med denne stridspreika - som skaffa honom stor tilslutning millom borgarane - kom han i konflikt med sine fyresette og vart utvist av klosteret.

Daa gjorde Frederik I eit steg med avgjerande konsekvensar. I oktober 1526<sup>45</sup> tok han Hans Tausxen i si "kongelige hegn, fred, vern og beskjemelse", utnemnde han til kongeleg kapellan, og gav han lov for det fyrste til aa vera i Viborg og "prædike det hellige Evangelium" for borgarane, som han paala aa taka kapellanen i forsvar imot alle, baade geistlege og verdslege.

Hermed braut kongen beint fram sin handfestingslovnad um. aa hindra og straffa luthersk kjættarskap i sitt rike. Og han oppheva den kyrkjelege orden paa eit viktig punkt, ved aa draga ein prest undan det ordinære kyrkjelege tilsyn og setja han under kongeleg og borgarleg vern.

Og ein maanads tid seinare gjorde kongen eit nytt steg i same leid - han gav vernebrev til Hans Tausens meiningsfelage meister Jørgen Jenssøn (Sadolin) fraa Viborg, og gav honom rett til aa skipa ein skule i Viborg for unge menneskje som ikkje hadde raad til aa studera ved universitetet - utan tvil ein evangelisk presteskule av same slag som i Haderslev.

Paa herredagen i Odense i november-desember 1526 protesterte riksrådet imot at kongen utferda slike vernebrev og "befalingsbrev", og kravde at tyske eller danske predikantar skulde taka løyve av biskopen kvar i sitt stift til aa preika "Guds ord"<sup>46</sup>.

Noter til kap.VII , 1.

1. sjaa kap.V,5: kyrkja og stat i Noreg under dei tri fyrste oldenborgarane, 1450-1523.
2. Aarsb. Geh. Arch. II,67-68; Dipl. Norv. IX nr. 532,534.
3. §14,jmf. DN VII nr.584 §6.
4. §12.
5. §4.15.
6. §5.7; 42.46; jfr. nr. 584 §13.18.
7. §22.
8. C II til El. 20/3 1524, Allens Aktst. s.174.
9. J.Weze, Hamburg 7/5 24, ib. 233.
10. Münter, Ref. hist. I, 530.532.
11. ib. 526-33.
12. DN I nr.1062.
13. DN VIII 707. XII 496. N.H. III 2,313.
14. DN IX nr.532, 5.aug. 1524.
15. DN IX nr. 534, 23.aug. 1524.
16. DN VII nr. 594.
17. jfr. DN VII nr. 584: dei norske krav.
18. Lange 2 478. 459-60.
19. DN I nr.1061.
20. DN VIII nr.520.522. IX 139.140.
21. DN I nr.1060.
22. DN III 1092.
23. DN XVII 845.
24. DN II 1075. XV 195.198.
25. 18/10 1523. DN II nr.1075 XV nr.195. jfr. DN VIII nr.515. IX nr.514.
26. DN I 1066.
27. DN I nr.1070.
28. jfr. DN VII 640.
- 28a.10/12 1519.
- 28b.16/12 1519. Allen II,2, 67-68.
- 28c.SRD II, 568. Allen II,2, 68.437.
29. DBL XVI, 55.
30. 5/1 1520. Allen 68-69.
31. 6/2 1520.
32. DBL XVI,97.
33. APD 4875.
34. APD 5012.5013.
35. Helveg II 2, 663-64.
36. ib. 665.
37. I mai 1526 avviste Fr.I Jørgen Skadborg (J.O.Andersen, Ref.beg,

H.Tausen, s.19.

38. Huitfeld, fol., II, 1296-97.
39. Nye D.Mag. V, 104.117. 208.
40. N.D.Mag. V, 212.213.
41. DRH. III 1, 270.284.
42. J.Oskar Andersen, Ref.Begynd. o. Hans Tausen (1926), s.15: meiner at H.Tasts luth. preika byrja 1525.
43. I Haderslev studerte Claus Mortenssøn Tøndebinder og Hans Olufssøn Spandemager, dei fyrste reformatorane i Malmø, 1527-28.
44. Ny Krist. Saml. I, 462f. IV, 71.
45. Pontopp. Ann. II, 796-797. 28/10 eller 23/10.
46. Nye D. Mag. V, 114.119.210.

## 2. Kyrkja i Danmark vert tvikløyvd. 1527 - 1530.

Det slagordet som me ofte møter i den fyrste reformasjonstid i Danmark - seinare ogso i Noreg - : "Guds ord", eller "det hellige evangelium", eller "Guds ord og evangelium", var ikkje eit eintydigt uttrykk. Det kunde nyttast likesovel av vener av ein katolsk bibelsk humanisme, som av tilhengjarar av Luthers læra. Prælatarne var einige i at "Guds ord" burde forkynnast. Men dei stelte seg i skarp motsetnad til den lutherske kjættarskapen. Mot den søkte dei, som fyrr fortalt, paanytt trygd hjaa adelen ved herredagen i Odense i desember 1526. Og i mai 1527 samlast dei jyske biskopane i Viborg og sendte derifraa ei oppmoding til Luthers tvo store motstandarar, Dr. Johann Eck og Dr. Johannes Cochläus, og bad dei koma nord og stydja den gamle kyrkja med sin lærdom, ikkje berre i Danmark, men ogso i Noreg og Sverige<sup>1</sup>.

Ingen av desse menn kom - den varsame Erasmus av Rotterdam heldt deim tilbake med sitt raad. Forsvaret for den katolske kyrkja i Danmark fall paa den djerve danske karmelitbroderen lektor Povel Helgesøn. Han var ein lærd bibelsk humanist som saag sitt fyrebilæte i Erasmus, han var teken i tenesta av Christiern II for aa føra humanistisk lærdom inn i vitskapen og kyrkja. Men lektor Povel var og ein folkeleg og nasjonal mann; han hadde ope auga for manglane og veilorne ved kyrkja, og han helsa Luthers framkoma med samhug og gav honom rett i mangt; difor vart han ogso ofte skulda for aa vera lutheranar og kjættar. Men lektor Povel var og ein god kyrkjeleg mann, han heldt sterkt paa autoriteten og paa lov og orden. Difor vart han støytt burt av Christiern II's tyranniske ferd, og ikkje mindre av Luthers radikale brot med kyrkja. Han vart den mest radikale agitator mot den utdrivne kongen, og aandi i Lutherdomen vart for honom meir og meir ei opprørsaad, som berre kunde føra med seg oppløysing i kyrkja og stat. Daa ogso Frederik I i 1526 viste seg venleg mot lutheranarne, braut den fritalande karmelitmunken med den "kyrkjerøvande kongen". Og fraa 1527 hadde dei evangeliske i Danmark ingen motstandar dei meir ottast enn lektor Povel, som i tale og skrift utrøyttelig førte forsvaret for den gamle kyrkja imot Luthers tilhengjarar.

Ved herredagen i Odense 1526 hadde kongen ikkje vore med paa lovnaden fraa adelen um aa hindra Luthers ukristelege lærdom, og han hadde ikkje samtykt i kravet fraa riksraadet um einerett for biskopane til aa føra tilsyn med predikantar.

Ved den næste herredagen, i Odense i august 1527<sup>2</sup>, framsette riksraadet paanytt protest imot, at kongen gav "de forløbne munke" verne-



brev til aa preika. Hertil gav kongen eit utførlegare svar<sup>3</sup>: han lova, at han heretter ikkje skulde gjeva slike vernebrev, men samstundes tok han ei nøytral og tolerant stilling til den lutherske læra, og ville ikkje tola vald imot hennar tilhengjarar.

"Danmarks Riges Raad er vel vitterligt - sefer kongen - at den kristelige tro er fri, og ingen av dennom (= av DRR) gjerne vilde, at nogen skulde nøde eller trenge dennom (= DRR) fra<sup>a</sup> deres tro. Saa kunde de vel besinde, at de som er det hellige evangelium tilnegde, eller og lutherske lære, som somme det kalde, ikke heller ville trenges fraan deris tro, og formene dennom dag paa baade sider (= katolske og evangeliske) at have ret, og endnu derpaa ingen domere ere (= generalkonciliet). Thi kan Hans Naades Høgmektighed ingen tvinge paa nogen sider til at tro, enten det ene eller det andet, og hør det ikke Hans Naades kongelige embete til; thi at Hans Naade er konge og retter over liv og gods i riget og ikke over sjælen. Ikke kan Hans Naade heller se, hvad tro hvert menneske haver udi sit hjerte, - kan Hans Naade heller ikke paa de som derpaa nogen foreninge gøre (= generalkoncilium). Thi maa hver skikke seg derudinden som han vil andsvare og vere bekjent for den alsommegtigste Gud paa den yderste dommedag. Saa lenge Hans Naades kgl. Majestet kan forfare, at der sker et kristelig og endelige foreninge paa udi all kristendommen (= ved generalkoncilium), efter Guds skikkelse og tilladelse, og paa det at bisper, prelater, adel og menigheden ikke skulde tenke, at Kgl. Maj. med saadan predikere vilde trenge nogen til at tro, da vil Hans Naade ingen give nogen beskjermelse-breve efter denne dag udi den sag. Meden er der nogen, som av dennom selver ville predike det som gudeligt og kristeligt er, og ikke er til oprør eller uenighed, og de selver forsvare ville, da kan kgl. Maj. det vel lide og tilstede. Meden derom<sup>5</sup> nogen vilde djerves til emod ret og skjel med vold og magt dennom at overfalde, - hvilket Hans Naades Høgmegtighed ikke forhaabes at nogen sig der til fordriste skulde, da kan ellør maa Hans Naade udi slig maade eller andre ingen vold eller overfald tilstede, forhaabendes, at hver sig selver herudinden tilbørligen skikkendes vorder".

Denne merkelege fraasegn er den fyrste opne og prinsipielt uttalte grunnregel for stoda aat kongen i religionsstriden. Frederik I tek eit tilsynelatande nøytralt standpunkt. Han vil ikkje døma over nokon manns tru, og ikkje tvinga nokon av partane. Han ser striden som standande og uavgjort. Han lovar difor, at inntil eit aalmennt koncilium fær istand ei endeleg semja, vil han etter denne dag ikkje gjeva vernebrev til dei evangeliske predikantane. Men paa den andre sida vil han heller ikkje hindra nokon i aa forkynna si tru, paa eige

andsvar, ei heller vil han tola, at der vert brukt vald eller makt imot nokon.

Dermed gifp kongen inn i den kyrkjelege jurisdiksjon og hindra kyrkja i aa nytta utvertes raadgjerder imot kjættarane.

Riksraadet forlangte av kongen, at han skulde kalla vernebrevi for predikantane attende, og at biskopane skulde døma over munkar som gjekk ut av klostri, og over prestar og burtlaupne munkar som gifta seg. Til gjengjeld var riksraadet viljugt til aa gaa med paa, at biskopane kvar i sin stift, der det turvtest, skulde "skikke gudfryktige og lærde prestemend som skulde predike og lære det hellige evangelium og Jesu Christi ord for almuen"<sup>4</sup>.

Kongen nekta aa kalla vernebrevi attende, med mindre predikantane misbrukte sin fridom, og han nekta aa skrida inn imot kloster-røming eller cølibats-brot<sup>5</sup>.

Prof. J. Oskar Andersen meiner aa kunna paavisa<sup>6</sup>, at der paa herredagen er vedteke ein serleg - no burtkomen - recess um desse spursmaal, av det innhald, 1) at biskopane - som nyst nemnt - skulde tilskikka evangeliepredikantar, 2) at der skulde raada full preikefridom overalt, anten ein hadde serlegt kall eller ei, paa det vilkaar, at der vart preika retteleg og reint etter Skrifti, og under andsvar for kongen og riksraadet, 3) at der skulde vera full fridom til aa gaa ut av klostri og til aa bryta cølibatet.

Den evangeliske rørsla fekk hermed fritt raaderom til aa verka ved aandelege midlar, utanaa ottast for yttre motstand og tvang. Faktisk var tilhengjarane av Luthers læra hermed rettsleg stelt paa like fot med den gamle kyrkja, dei hadde full tale- og handlefridom, under andsvar, ikkje for biskopane, men for kongen og riksraadet. Kyrkja i Danmark var dermed i røyndi tvikløyvd.

I dei fylgjande tri aari breidde reformasjons-rørsla seg ut over alt Danmark, takk vere kong Frederiks nøytrale eller rettare velviljuge stilling, - fraa Viborg gjenom Jylland, fraa Haderslev til Fyn og Skaane. I Malmø vart det i 1529 skipa ein evangelisk presteskule, den tridje i rekkja. Gong paa gong hender det, at munkar gaar ut av klostri, og det viser seg ein uvilje imot tiggarrordnane. Prestar og munkar bryt cølibatet, - ein av dei fyrste var Hans Tausen. Predikantar reiser ikring. Uppbyggelege og polemiske skrifter, flygeblad, salmar, satiriske dikt vert prenta, - mann og mann imillom vert det ført eit livlegt ordskifte.

I eindel kjøpstader vann reformasjonen i denne tid fullstendig siger. Evangeliske kyrkjelydar vart skipa kring predikantar som hadde studert anten i Tyskland eller ved presteskulane i Haderslev, Viborg eller Malmø, eller paa eigi hand. Dei unge prestane vart til-

skikka av bymagistratane. Gjennom kongen eller reformatorisk huga adelspatronar fekk ogso sume landskall lutherske prestar.

I NordSlesvig organiserte hertog Christian i 1528 den evangeliske kyrkja ved ein serleg ordinans, - Haderslev-artiklane for landsprestane, - utarbeidt av Johann Wenth og Eberhard Weidensee.

I Danmark vart ny kyrkjeskippnad fyrst gjennomført i Viborg og i Malmø.

I Viborg avtok dei den romersk katolske gudstenesta i 1529-30. Dei tome kyrkjerne vart nedrivne med kongelegt samtykke - tolv kyrkjer i ein gong. I staden fekk borgarane tvo klosterkyrkjer til soknekyrkjer - Tausen og Sadolin vart sett til sokneprestar, og Tausen ordinerte Sadolin - atter eit brot med den kyrkjelege orden.

I Malmø byrja reformasjonen i 1527 ved presten Klaus Mortenssøn (Tøndebinder) og Heilag-ande-broderen Hans Olufsen (Spandemager), med studnad av den mektige borgmeisteren Jørgen Kock, og fraa 1528 under kongeleg vern. Her utkom i 1528 den fyrste danske messebok og den fyrste danske salmebok, baae utgjevne av Klaus Mortenssøn. Og karmelitbroderen Frans Wormordssøn gav ut ei umsetjing av Davids Salmar etter Vulgata o.fl., "ikke alsomeneste alle danske Mænd til gode, men ogsaa Svenske og Norske"(1528)<sup>7</sup>. All den katolske messetenesta vart avteki, latinskulen umskipa, ein presteskule igangsett, og eit velordna sjukestell og fattigstell gjennomført. Byen vart paa kort tid brennpunktet for reformasjonen, og var i 1530 heilt luthersk.

I 1529 kalla kongen Hans Tausen til prest ved Nicolai kyrkja i Kjøbenhavn. Dermed slo den lutherske rørsle for alvor rot ogso i hovudstaden, og innan lenge var her 4 lutherske predikantar.

Soleis var, under kongeleg vern, det reformatoriske kyrkjeprinsippet sett ut i livet paa dansk grunn. Kongen hadde godkjent læra um det aalmenne prestedømet i forsamlingi av dei truande, rett for kyrkjelydane til aa kalla predikantar, og rett for desse til aa vigja nye paa grunn av den prinsipielle identiteten millom preste-embetet og bispeembete<sup>8</sup>.

Ved bispeskiftet i Danmark vart no Odense-vedtaket fraa 1526 praktisert. Knud Gyldenstjerne i Odense og Joachim Rønnow i Roskilde fekk sine bispedøme i 1529 ved kongeleg stadfesting. Men dei vart aldri ordinert, likesolite som Aage Sparre i Lund, - dei var difor berre "skinbiskopane" i augo aat katolikane, og kunde ikkje upptreda med aandeleg autoritet. Dette gjorde sitt til aa maktstela den gamle kyrkja i Danmark og løysa upp hennar ordningar.

Ikkje berre den hierarkiske og dogmatiske bygnaden aat kyrkja vart undergraven av kongemakti og adelen paa den eine sida, og den evangeliske rørsle paa den andre. Kyrkja vart ogso trengt millom skjoldar for sine inntekter skuld. Samtidig med den andelege krisa inntred der ein økonomisk, - baae fylgjer kvarandre, og dei fører samstundes til katastrofe ved reformasjonen.

Adelen hadde lenge havt eit godt auga til rikdomane aat kyrkja. Det var fyrst og fremst dei store inntekterne til dei høgaste kyrkje-embeti, som lokka adelen, og som var motivet til aa reservera bispestolar og prælaturar for adelsmenn. I 1525 stelte utanraadsadelen - som fyrr fortalt - ei rekkja økonomiske krav til kyrkja. I hertogdømi la folket uvilje for dagen imot tienden (1525-26)<sup>9</sup>, i Jylland kom det til ei bondereising mot bispetienden og imot ei rekkja andre eldre avgifter og tyngslor<sup>10</sup>. Paa herredagen i Odense i 1526 maatte kyrkja, som fyrr umtala, kjøpa seg studnad av adelen imot Lutheriet ved aa lova, ikkje aa leggja aeg til meir adelegt jordegods. Paa herredagen i Odense 1527 vart adelen fritaken for tiende, alle avgifter av bønderne utanum tienden vart avtekne, kyrkjebøkerne av dei undergjevne aat adelen vart avstaatt til adelen, kyrkjelege gjeldssaker vart vist til verdslege domsstolar.

Elles tok kongen eigedomsretten aat kyrkja under si vern, han trygda kyrkja rett til tienden - NB berre av bønder og borgarar - og han formana adelen til ikkje aa tilegna aeg kyrkje- og klostergods med makt.

Helst hadde visseleg Frederik I fylgt fyredømet aat Gustav Vasa paa riksdagen i Vesteraas i juni 1527 - eit par maanader fyre den i Odense i august s.a. I Vesteraas fekk den svenske kongen rett til aa taka ifraa biskopane deira slott og faste gardar, aa fastsetja innkomor for biskopar, og domkyrkjor og kanikar, aa uppebera all den biskopelege sakøyren, og sjølv skipa med klostri. Adelen fekk rett til aa taka att kva som av deira arv og eigedom var kome under kyrkja sidan 1454. Gjennom Vesteraas<sup>1024</sup> kom soleis godset aat bispestolane, domkyrkjorne, kapitli og klostri under krone, og til dels under sine fyrre adelege eigarar.

Den tilsvarande sekularisering i Danmark vart i full vidd fyrst gjennomført av Christian III paa herredagen i Kjøpenhamn i 1536. Men inndraging av kloster under verdslegt vald byrja alt under Frederik I, aaret etter den 2dre herredagen i Odense.

Det var i 1528<sup>11</sup>, at kongen fyrst gav (danske) kløster til adelege eller borgarlege: Graabroderklosteret i Flensborg til rikshovmeisteren Mogens Gjø, Heilagande- og Graabroderklostri i Malmø til borgarane. Av herreklostri i Danmark var det faa, som vart inndregne under

Frederik I, visstnok berre tvo. Klosterstormen i hans tid (til 1533) gjekk ut over tiggarrordnane; det var ei fylgja av, at reformasjonsrørsla fyrst og fremst slo ut i byane. Paa faa aar vart dei fleste tiggarmunkeklostri upphæva og bygnaderne lagt til ymis offentleg bruk. Av dei 25 franciskanklostri i Danmark var der, fire aar etter at stormen hadde teke til, berre 7 igjen.<sup>12</sup>

I regelen fylgde Frederik I den polotikken aa lata folket sjølv driva munkane ut, men stundom gjorde kongen eller hans adelege tillitsmenner tiltaket<sup>13</sup>. Det var just ikkje ved "makti aat ordet", men vel so ofte ved ytre midlar og makt, at dette skjedde.

Resultatet av den kyrkjelege utvikling i Danmark i 1520-aari kann samlast i desse punkt:

1. Kyrkja i Danmark vert løyst fraa Rom og bundi til dei økonomiske interessorne aat den danske adelen.

2. Ei folkeleg luthersk rørsla byrja i byane fraa 1526, uhindra av kongen, som derved set seg ut over si handfesting.

3. Den evangeliske retning fær fridom til aa organisera seg utanfor den gamle kyrkja, soleis at kyrkja i Danmark sidan 1527 vert rettsleg tvikløyvd, ei biskoppeleg, utan samband med Rom, antiluthersk, men med evangeliet som rettesnor, og ei folkeleg frikyrkja, evangelisk luthersk, under vern av kongen.

4. Klosterlovnad og cølibatsband vert brote, uhindra av verdsleg makt.

5. Sækularisasjon av klostri tek til i stor stil, seleg av byklostri.

#### Noter til kap.VII,2.

1. P.Terpager, Ripæ Cimb'cæ, 558.
2. ND Mag. V, s.292.
3. ib. s.292-3.
4. ND Mag. V, 302-3.
5. Pal.-Al. s.89.
6. Festskr. t. Kr. Erslev, s.258.
7. O.Kolsrud NBS. s.9.
8. K.leks. f. N. III,716.
9. DRH III 1,285.
10. ib.294.
11. Dangaard 119.
12. Lindbæk 85.87.
13. ib. 87.

### 3. Reformasjonen i Sverige. 1521 - 1531.

Til Sverige naadde dei reformatoriske tankane tidleg - gjennom meister Olaus Petri, som hadde studert i Wittenberg 1516-1518 og der var komen i nært samband med baade Luther og Melanchthon.

Utgangspunktet for reformasjonen i Sverige var bispestaden Strengnes ved Mælaren. Her var Olaus Petri skulemeister (vigd til diakon) og bar i 1521 for fyrste gong fram ei opi antikatoisk forkynning. I sin fyresette og eldre ven, erkedeknen i Strengnes Laurentius Andreae vann han snart ein varm tilhengjar av reformasjonen.

I Strengnes var det at Gustav Vasa vart vald til Sveriges konge i 1523, og Laurentius Andreae gjorde kongen kjent med korleis "doctor Martinus" ved sitt reformarbeid hadde "kringskurit pave, kardinalar og biskopar".

Gustav Vasa gjorde Laurentius Andreae til sin kanslar, og alt i 1524 braut kongen av sambandet med Rom. Gjenom Laurentius Andreae's penn let han imot Vadstena kloster forsvare Luthers læra som han kravde granska etter Bibelen. Imot kyrkjeleg protest kalla han Olaus Petri til Stockholm som magistratssekretær. Og her kunde meister Olav under vern av kongen fritt i tale og skrift arbeida for Luthers læra.

Olaus Petri vart den litterære grunnleggjaren av reformasjonsverket i Sverige. I 1526 i Stockholm utkom det Nye Testamentet paa svensk, umsett etter Erasmus's Vulgatatekst, med hjelp av Luthers tyske umstjing; det er utan tvil Olaus Petri's verk. Samstundes kom ei salmebok (tapt) og ei bønebok (en nyttug undervisning), som med vissa vart tillagt reformatoren.

I dei tvo aari deretter fylgde fleire tildels beiske stridsskrifter av Olaus Petri, nokre av dei imot den danske apologeten Povel Helgesøn, og andre reformatoriske programskrifter um presteekteskap, um klosterliv, um tilhøvet millom lekfolk og prestar o.a.

For kong Gustav var det mindre religiøs enn politisk og økonomisk interesse som var knytt til reformasjonen. Det nasjonale kongedøme som han gjorde til sitt program, hadde no som fyrr sin mektugaste motstandar i den svenske kyrkja. I sitt tilhøve til Rom vart difor kong Gustav leida av ynskjjet um aa faa biskopar som forsvarar kyrkja sin "fridom paa slik vis, at dei ikkje skader den kongelege krona".

Daa Gustav Vasa overtok kongemakti, var Sverige paa kanten av statsbankerott, og det galdt for honom aa fylla riksskattkammeren paa noko vis. Av riksdagar og herredagar fekk han mykje friviljug hjelp, og freista ogso aa faa det av kyrkja. Men hans venlege stoda til reformasjonsrørsla vekte mistillit. Dette gjorde kongen aggressiv, og hans fyrste varsame steg vart difor snart fylgt av meir hardhendte

raadgjerdar. Gripsholms slott og gods, som hans mormors broder riksförstandaren Sten Sture hadde gjeve til kartusianklosteret Mariefred, vart inndrege. Og etter riksdagen i Speier 1526, daa det vart vedteke, at alle statar i det Tyske Riket fritt kunde velja religionsform, skjedde det avgjerande steget ogso i Sverige, paa riksdagen i Vester-aas 1527. Daa vart godset aat biskopar, kapitel, domkyrkjor og kloster lagt under krona, og det vart gjeve predikantar rett til aa forkynna Guds reine ord, d.e. fridom for den nye tru.

Motstandarane av kong Gustavs kyrkjepolitikk, i det svenske episkopatet, for or landet fyre denne hendingi eller straks etter.

Erkebiskopen av Uppsala Gustav Trolle, som var Christiern II's tilhengjar, var alt dømt utlæg i 1523, daa Gustav Vasa vart vald til konge. Han krona den danske kongen Fredrik I i Lund 1524, men daa det ikkje lukkast honom ved kong Frederiks hjelp aa verta utsona med Gustav Vasa, gav han seg til Christiern II i 1526 og arbeidde sidan trottugt for hans sak. (Me møter honom sidan).

Johannes Magnus, som vart vald til Gustav Trolles ettermann, og styrde embetet under prosessen i Rom um Trolles avsetjing, stod fyrst i godt tilhøve til Gustav Vasa. Men ved si storlaatne atferd vekte han kongens misnøggje, og 1526 var han glad ved aa fara or landet, og kongen ved aa vera honom kvitt.

Biskopen i Linköping Hans Brask, som var med paa riksdagen i Vester-aas, avgav sin protest imot den nye ordning, og for fraa Sverige same aaret, 1527.

Daa hadde Sveriges kyrkja berre ein vigd biskop heime: Petrus Magni i Vester-aas, som var ordinert i Rom 1.mai 1524.<sup>2</sup> Etter kvart vart alle bispestolane tilsette med menner, som var lojale imot kongen. Dei tri fyrste av desse vart vigde av Petrus Magni, 1528<sup>3</sup>. Men ordinator sette det vilkaaret, at dei nye biskopane skulde henta stadfesting hjaa paven i Rom. Dette skjedde ikkje.

Ei vika seinare let kongen seg krona<sup>4</sup>, utan aa gjeva den vanlege lovnaden um aa verna den heilage kyrkja, og paa eit kyrkjemøte som kongen let halda i Ørebro i 1529 under fyresæte av sin kanslar Laurentius Andrea, vart ogso grunnlaget for ein andeleg reformasjon av den svenske kyrkja lagt, etter prinsippet "undervisa først, reformera sidan".

Kyrkjemøtet i Ørebro 1529 slo fast den reformatoriske grunnsetnaden um aa forkynna Guds reine ord, "som det framställes i den Helige Skrift". Den evangeliske preika vart soleis gjort til ei hovudsak; vedtaket um den er den mest inngripande reform møtet gjorde. I kyrkjeleg disiplin og forfatning og ceremoniar var reformene varsame og atterhaldne. Dei gamle formene vart haldne vedlike, men uttydde

i evangelisk meining, og soleis kom ogso den katolske naade-læra, under paaverknad av den reformatoriske forkynning, til aa verta umskifta med den lutherske, i dei nye ritualbøkerne. Desse vart utarbeidde av Olaus Petri paa grunnlag av vedtaki paa Örebromötet - ei handbok for dei heilage handlingane 1529, og den svenske messa 1531<sup>5</sup>.

Tvo aar etter Örebromötet fekk dei andre ledige bispestolane biskopar, ogso erkebispestolen i Uppsala. Paa eit aalment svensk prestemöte vart til erkebiskop valt Laurentius Petri, 32 aar, bror til Olaus Petri. Dei tri nye biskopane og erkebiskopen vart vigde 1531 av biskop Petrus Magni i Vesteraas og biskop Magnus Sommar i Strengnes. Valet og vigsla av den unge reformasjonsvenlege erkebiskoper skjedde i kongens interesse, han saag ikkje gjerne nokon kraftig forsvarar av den gamle kyrkja paa erkestolen, men ved sitt nær fyrestaaande brudlaup vilde han ha ein ordinert erkebiskop til aa gjera brudevigsla.

Petrus Magni var vigd til biskop i Rom, og Magnus Sommar var ordinert av honom. Dei hadde soleis baae kanonosk bispevigsla. Den apostoliske suksesjon vart soleis vedlikehalden i Sverige, idet dei siste katolske biskopane vigde dei fyrste evangeliske. Men dei tvo katolske biskopane var tvungne av kongen til aa utføra bispevigsla, og i fyrevegen nedla dei ein løynd protest imot vigsla so vel som imot heile reformasjonsverket.<sup>6</sup> Daa vigsla soleis var framtvungi med makt og ikkje godviljug gjevi, er samanhengen i den svenske apostoliske suksesjon berre utvertes og formell, og ikkje indre og aandeleg.

Til 1531 hadde soleis Sverige fullstendug nyordna si kyrkja, med vedlikehald av den gamle biskopelege forfatning og i det heile av den ytre historiske samanhengen, men ubunde og løynt fraa den romerske kyrkja. Ingen stad fanst paa den tid noko tilsvarande gjennomført. England hadde enndaa ikkje brote med Rom. I Tyskland var det skipa lokale kyrkior etter godtykke av dei einskilde landsfyrstane, men tilstandet var fyrebils, og samanhengen uheil baade nasjonalt og historisk. I Danmark hadde reformasjonen kjempa seg fram under verni aat kongen, men hadde enndaa ikkje naatt fram lenger enn til prinsipiell jamstelling med den gamle kyrkja, og denne vart teken kraftig i forsvar av hierarkiet.

#### Noter til kap.VII,3.

1. KLN I,84.
2. DN VII,s. 593.
3. Wordsworth s.202f.
4. Wordsworth 203.
5. Edv. Rodke, Dopritualet s.19.
6. Aujon II, 95-96.



## 4. Det fyrste "Lutheri" i Noreg. 1526 - 1530.

I Noreg var vilkaari for at reformasjonen kunde finna inngang og framgang andre enn i Danmark, baade dei geografiske og dei politiske og personlege. Det store tunt folkesette landet med faa byar laag lenger undan skodeplassen for kyrkjekampen. Paaverknaderne naadde seinare fram hit og meir spreidt, - dei kom ikkje beinveges fraa Wittenberg, men fraa fleire leider, og ikkje berre fraa Danmark, men og fraa Hansebyarne og fraa Sverige.

I dei nordtyske sjøhandelsbyane trengte den reformatoriske forkyning inn tidleg i 1520-aari: i Rostock 1521<sup>1</sup>, i Bremen 1522<sup>2</sup>, i Hamburg<sup>3</sup> og i Lubeck<sup>4</sup>. Evangeliske preikeembete vart skipa av byraadi i Hamburg og Bremen alt i 1524<sup>5</sup>, og reformasjonen vart her snart fullt gjennomført ved kyrkjeordningar: i Bremen 1526-28<sup>6</sup>, i Hamburg ved Johannes Bugenhagen 1529<sup>7</sup>. Lenger aust gjekk det noko seinare, - i Lübeck heldt raadet att, men borgarane tvang reformasjonen igjenom i 1530, og ei kyrkjeordning vart skipa av Bugenhagen i 1531<sup>8</sup>. Same aaret kom ogso avgjersla i dei andre vendiske hansestaderne, Wismar og Rostock<sup>9</sup>.

Fraa alle desse leider, der Noreg hadde sitt meste samkvem med utanverdi, var landet soleis utsett for paaverknad av reformasjonsrørsla. I Nord-Tyskland, i Danmark og i Sverige var kyrkjeumboti overalt i gang, og dei gamle ordningar vart umskifta dag for dag.

Men dei politiske og personlege vilkaari for eit kyrkjelegt umbrøyte var heilt andre i Noreg enn i grannelandi. Der var ingen konge eller fyrste innanlands, som slik direkte kunde innverka paa opinionen ved sitt fyredøme, eller fremja den evangeliske rørsla og ei ny kyrkjeordning ved maktmidler. Dei leiande i samfundet var biskopane og høgadelen. I sine formenner fekk kyrkja varme forsvararar. Dei hevda ogso den nasjonale lina imot framandveldet. Millom stormennerne var det, at reformasjonen fann sine mektugaste maalsmenner, men i dette standet var det óg, at danskdomen hadde største makti.

Soleis fekk det mykje aa segja, at vaart hierarki i desse avgjerande aari var fulltaligt. I 1525 hadde den norske kyrkja vigde biskopar paa alle bispestolar, - alle var av god norsk ætt, utan den danske Hans Rev i Oslo, som daa hadde vore lenge i norsk kyrkjetenesta, og i dei fylgjande ti aar kjem det ikkje noko bispeskifte (burtset fraa Færøyane 1533), - medan i Danmark og Sverige dei umstridde erkestolane og fleire av bispestolane i aarevis vart innehavde av electi utan konfirmasjon og ordinasjon.

Dei tilsynsmenner, som styrde den norske kyrkja i dei tolv aari

millom 1525 og 1537, den mest kritiske perioden i vaar kyrkjesoga, h yrde alle til den gamle skulen og var av hjarta trugne imot den gamle kyrkja.

Erkebiskopen Olav Engelbriktsson, biskop Hoskold Hoskoldsson i Stavanger, og biskop Magnus Lauritsson i Hamar, hadde alle studert ved utanlandske universitet, lenge fyre Luther stod fram, nemleg i 1490-1500-aari, - alle tri hadde vore i Rostock, Magnus ogso i det nye universitetet i Frankfurt a/d. Oder (no Berlin). Alle tri hadde magistergraden i artistfakultetet. Biskop Hoskuld hev me l rt aa kjenna som ein from relikviesamlar og helgendyrkar. Um studierne aat biskop Olav Torkellsson i Bj rgvin veit me ikkje noko. Men han var ein bokl rd mann og interesserte seg i historie, serleg den norske. I sitt episkopat la han for dagen eit altigjenom katolsk huglag. Oslobiskopen Hans Rev, visstnok den yngste i laget, hadde - som fyrr nemnt - gjesta Paris i 1515 flg. og hadde (rimelegvis der) lagt seg til graden som baccalaurens utriusque juris. Hans Rev var god katolik, som sine kollegar, - han var viss um Guds straffedom over dei som vanvyrde kyrkja og hennar bod<sup>10</sup>. Men han var og den mest elastiske av biskopane, - den som hadde klaarast syn for, at det trongst ei fornying av kyrkjelivet, - og han arbeidde for ei slik paa katolsk grunn. Biskopane paa Island, Ogmund Paalsson i Skaalholt, og Jon Arason i Holar, var baae gamaldagse katolikar, fullkomen upaaverka og upaaverkelege for nye id ar.

Alt fraa fyrste stund stod erkebiskop Olav paa vakt imot den lutherske kj ttarskapen. Daa han paa heimvegen fraa Rom i 1524 hylla kong Frederik I var det paa det vilkaar, at kongen vilde halda "den hellige kirke, hennes prelater ok personer vid deris friheder ok privilegier". Og i Frederik I's handfesting som norsk konge 1524 vart som fyrr nemnt, ikkje berre sett inn det vilkaaret, som hadde vore §1 ogso i dei eldre handfestingane, men - likesom i den danske handfestingi av 1523 - ogso lovnaden um aa forfylgja kj ttarskap og Lutherdom i Noreg med livsstraff og eigedomstap - dei same maktmidlar som gjenom heile millomalderen vart brukt ~~til forsvar mot heresi; - ogs  etter reformatjonen;~~ - ~~ogso etter reformatjonen;~~ Dei meldingane erkebiskop Olav ~~ogso etter reformatjonen;~~ mottok fraa Rom i 1524 og 25, styrkte erkebiskopen i den von, at den lutherske kj ttarskapen snart vilde taka ende. Men samstundes kom det fraa Danmark og Sverige fraa-segner, som tyda paa, at vyrdnaden for gamal kyrkjeleg tru og sed tok til aa minka ogso i grannelandi. Djupast inntrykk paa erkebiskop Olav gjorde tilstandet i Sverige. Dette l rde han aa kjenna um vinteren 1525-26 gjenom svenske politiske oppr rarar som s kte tilhelde i Noreg - dekanus i Vesteraas Peder Jakobsson Sunnanvedr (tidlegare vald til biskop i Vesteraas) - og domprosten i Vesteraas

meister Knut Eriksson (tidlegare vald til erkebiskop i Uppsala) - baade kong Gustav Vasas motstandarar og leidarar av ei reisning mot kongen i Dalarne. Sidan kom det farande til Noreg svenske munkar, som var mistrudde av kongen for aa vera medskuldige i opprøret, men som sjølv meinte seg aa vera utjaga for si katolske tru skuld.

Erkebiskop Olav og kong Gustavs kanslar Laurentius Andreae var studiefelagar fraa Rostock, og dei næraste vener. Men dei ulike sympatiar i kyrkjestiden skilde deim no, og denne misstemning var auka gjenom dei svenske rømingane, som baade politisk og kyrkjeleg var stride motmänner av den reformasjonsvenlege kanslaren.

Det er eit vakkert vitnemaal um ærleg kjærleik til den gamle kyrkja og hjarteleg uro for framtidi, at erkebiskop Olav denne vinteren (1525-26) let halda fyrebøn fraa preikestolane i Noreg for svenskane som villfarande i trui. Laurentius Andreae merka paa si sida den spening som var oppkomi, og i eit forvitnelegt brev fraa 10. august 1526<sup>11</sup> til den norske erkebiskopen forsvarar han sitt lutherske standpunkt og formana han til aa tenkja saki vel igjenom. Serleg merkande er det som her vart sagt um skilnaden millom katolsk og luthersk læra, - og det er karakteristisk for situasjonen, at det gjeld tvo hovudspursmaal - bruken av den Heilage Skrift, og læra um rettferdiggering.

"Eg ser fulla av brevi Dykkar - skriv Laurentius Andreae - at Lutherannamnet er illgjete hjaa Dykk. Eg tilstaar, det er ikkje velhøyrte hjaa oss heller, for so vidt som det lurar inn nokor sekt. For Kristus er ikkje delt.

De skuldar deim for, at dei vrid skrift-ordet til den meining, som ikkje hev vore skrift-tanken. So mykje eg hev faatt høve til aa sjaa av den lutherske læra, synest ho for mitt tjukke hovud aa koma nærare til den ekte skrift-teksti enn alle dei skolastiske lærarar nokonsinne hev kome. Likevel er dette ingenting, samanlikna med det som lutheranarne klagar over sine motmänner for, - serskilt det eine, at katolikane misbruker skrifti og gjer herskarinna til tenarinna. For er det ikkje so, at katolikane tvingar skrifti til aa tena deira eigne fyremaal, istadenfor at dei heller tvertum etter Pauli læra burde taka alle tankar fangne til aa lyda Kristus? -

Dinæst: De gjer ikkje ille, naar De bed for oss. Men naar De legg attaat: "som villfarande i trui", daa kjem det, greidt nok, fraa eit blindt umdøme. Lat vera, at me, - um me vil nytta Dykkar ord - er lutheranarar (slik brukar dei truande aa verta kalla av dei vantruande), - so vik me likevel ikkje av fraa trui. Me sannar evangeliet, og alt det som Luther held fram - um me i det heile bør nemmast etter honom -, soleis til dømes: trui, som han segjer rettferdigger og

frelsar oss, - medan elles næstan alle skolastikarane (som eg tenkjer De styd Dykk til) tilskriv vaare gjerningar dette. Er det sant, daa er Kristus død til inkjes.

Det er her ei breidare mark enn me no kann laupa over. No vil eg berre minna Dykk um det, at ein ikkje so lett eller so snøgt kann døma um ei sak som De ikkje hev skyna fullt ut. Lær fyrst aa kjenna, døm sidan - forat det ikkje skal sannast um Dykk det som er skrive i Judasbrevet (v.10), at "hine forbannar det dei ikkje kjenner". Um me svenskar bad for Dykk nordmänner, at Gud vilde taka burt dækket fraa hjarto Dykkar óg, so De kunde kjenna sanningsvegen - dette gjer med óg -, daa gjer me ikkje det for aa setja svivyrdingsmerke paa Dykk, slik som De paa oss; for etter hine offentlege bøner trur vel alle at me hev falle ifraa trui. Sjaa daa til, at De - utruande - ikkje ber for truande".

Samstundes fortel Laurentius Andreae erkebiskop Olav um den nyutkomne svenske umsetjing av det Nye Testamentet, som han held for betre enn den danske av Hans Mikkelsson. Kvar sokneprest i Sverige skal kjøpa ei slik bok aat kyrkja si, og elles er det meiningi, at boklærde lekfolk paa denne maaten skal faa sjaa og lesa, so vert dei snøgt lærdare enn mange klerkar. Daa laut klerkane óg til aa studera evangeliet, um dei ikkje skulde gjera seg til skam. - Laurentius Andreae sende eit eksemplar av det svenske N.T. til erkebiskop Olav, for at han sjølv kunde døma og tenkja paa, um umsetjingi kunde brukast i Noreg - der var enndaa 2-300 eks. uselt.

Sitt største verd hev dette brevet deri, at erkebiskop Olav no - visst for fyrste gongen - og det fraa ein ven- fekk høyra eit greidt og ærlegt ord um skilnaden paa gamall og ny tru. - Erkebiskop Olav let seg likevel ikkje paaverka. Daa han eit aars tid seinare skreiv til sin umbodsmann i Rom<sup>12</sup>, bad han "Gud gjeva, at me kann vera frie fraa alle uvener av vaart rike, og fraa dei gudlause og forvendte Lutheranarne".

Same aaret som fremste mannen i den norske kyrkja hadde denne samanstøyten med kong Gustav Vasas mest tiltrudde raadgjevar i kyrkjestrident, hørdest det for fyrste gong luthersk forkynning i Noreg.

Det var i Bergen, at ein munk, hr. Antonius, byrja aa preika "Guds ord, som dr. Morten Luther havde begyndt"<sup>13</sup>. Kvar denne mannen kom ifraa, er ikkje fortalt. Etter nemnet kunde ein tru, han hørde til Antoniusbrødrane i Nonneseter kloster. Han vart sidan prest ved Hallvardskyrkja i Bergen, - den hørde tyskarane til, og det er difor truleg at han óg var tysk.

Biskop Olav Torkellsson var korkje nokon kraftig eller stridbar

mann, tvertimot - han var fredelskande og noko makeleg.

Men broder Antonius hadde vel snaudt havt mod til aa staa aaleine fram som fyrekjempar for Luthers læra, um han ikkje hadde havt nokon mektig mann i ryggen. Det var lensherren paa Bergenhus, den danske riddaren Vincents Lunge, som heldt si hand over munken.

Gjennom inngifting i Noregs beste ætt, Austraat-ætti, ved store norske forleningar, som hovudsmann paa eit av dei viktigaste slott i Noreg, og som kongeleg stadhaldar nordanfjells, var Vincents Lunge den største verdslege hovding i landet - som tevla med erkebiskop Olav um førarskapen i norsk politikk, - ein maktkjær, havesjuk og uvyrden herre<sup>14</sup>, ikkje minst andsynes kyrkja.

I Noreg som andre stader vekte den nye forkynning uro og strid. Biskop Olav, som maatte lida mange krenkingar av Vincents Lunge, serleg av økonomisk art, "sagde seg ikke at kunne fordrage det nye klammeri de havde begynt i Bergen"<sup>15</sup>, men bad erkebiskopen um lov til aa flytja til ein annan stad i bispedømet, "der jeg rolige kunde blive for hr. Vincentii overvold, haan og skade, som han meg gjort haver, og for det skendsel den hellige kirke lider de secta Lutheriana"<sup>16</sup>.

Dette er i aaret 1526. Biskop Olav klagar samstundes over, at vyrdnaden for kyrkjeleg skikk og orden gaar tilbake. "Ekteskap forkrenkes, frillelevnet det bruges alt for mygit, kirker ok kirkegaarder violerist frendskap ok fadderskap reknist for føgit, kristneretten haver ikke møgen gang i mit stikt, føgit er jeg eller min umbodsmann hødr".

Bak denne opposisjon mot kyrkja stod hr. Vincents Lunge. Det kom tydeleg fram, daa biskopen skulde taka imot den gaava, som det i hundrad aar hadde vore vanlegt, at ugifte kvinner i Bjørgvin gav til domkyrkja i fastetidi i ljøs eller pengar, for at dei skulde faa sakramentet i livet og i dødsstundi. Daa sendte hr. Vincentius sin kapelan med 4-6 fylgjesmenn "i kvar den kro eller kove i Bergen er", og let forbjoda aa gjeva ein pening til domkyrkja, under trugsmaal um pengebot til lensherren.

"Der led jeg ok mine prester - segjer biskop Olav - det største haan og blusel av kjøkenknekter ok puter (d.e. horekvinnor), saa at jeg var glad jeg kom vel av by, ok mine prester miste deris offer, der de skulle live med, ok toge til takke de finge ikke hugg for peninge"<sup>17</sup>.

Det er greidt nok, at Vincents Lunge hev vilja nytta dette høve til aa oppptreda som reformator. Han skreiv til erkebiskop Olav, at det for honom og fleire hev vore "ganske besværligt" aa sjaa, "korleis den reinaste og uskuldigaste Christus vert openljost selt for det skitnaste horeblods skammelege løn, rett som det ikkje lenger var

nok, at han ein gong var forraada og selt av Judas til jødane" (purissimum innocentissimumque Christum pro spurcissimi meretricij sanguinis nefando precio venumdari propalam, perinde ac non plus sat esset semel per Judam Iudeis traditum wenditumque fuisse)<sup>18</sup>.

Desse ord staar i samanheng med klaga aat biskopen over Vincents Lunges forbod mot avgifti til domkyrkja fraa dei ugifte kvinnorne. I Bergen var desse for ein stor del av tvilsamt rykte, - til den store kolonien av ugifte tyskar paa Brygga svara det ein koloni med lause kvinner paa Ørregata. Striden millom biskop Olav og dei fyrste reformatorane i Noreg gjev oss ein forvitneleg glytt inn paa den aandelege kamplassen, som historia elles hev lagt sitt dekke over:

Luther hadde reist sin protest mot den romerske kyrkja med ein kritikk over utdeling av avlat for pengar. I Noreg hev hans tilhengjarar meint aa gaa fram i hans aand ved aa gjera aatak paa den praksis, at det vart gjeve gaavor eller betaling til vederlag for nattverdssakramentet. So mykje meir opprørvekkjande og effektfull var denne paavisning av ei uevangelisk form for utdeling av eit naademiddel, som mottakarane etter den gjengse oppfatning var uverdige utskot paa samfundet, som ved sine ureine pengar kunde kjøpa seg del i Christi gjerning.

Det er likt til, at dr. Vincentius og munken var gode vener og heldt saman, og at dei gjekk og tala ille um kyrkja og erkebiskopen og alt det gamle, so folk vart reint handfallne. Ein av erkebiskop Olavs tenarar skildrar tri aar seinare, i 1529, stemmingi i Bergen soleis for sin herre: "Kjømenn ok menige almue i Baren stunde storlige efter Eders Naades tilkommelse, at I maatte komme ok straffe denne fortvivlede skalk Lutheren (d.e. munken Antonius) og flere dermed, og spare intet hr. Vincentium. De ville alle være eder bistandene; annet kunde jeg ikke høre, hvor jeg gikk; thi han ok Lutheren bespottede Eders Naade saa skjendelige, det er ynck at høre uppaa; de tro ikke, at sankte Olav haver brød (d.e. tenarar. folk, sveinar)"<sup>18a</sup>

At det var aalvor med Vincents Lunges reformasjons-venlegdom, er der vel ingen grunn til aa tvila paa. Han innførte luthersk bordskikk i sitt hus, ved aa lata kveda til og fraa bordet, sannsynlegvis danske salmar.

Mindre tiltalande er det, at denne reformasjonshug var fylgd av ein uforduld traa etter klostergoods. Um hausten 1528 maatte Vincents Lunge taka avskil som lensherre paa Bergenhus, men heldt seg skadelaus ved aa formaa Frederik I til aa gjeva Nonneseter kloster i Bergen til honom og hans ervingar til æveleg eiga<sup>19</sup>. - Nonneseter hadde, som fyrr nemnt, vore eit cisterciensarkloster, men i 1507 var det overgjeve til Antoniusbrødrane, ein hospitalsorden fraa

krossferdstidi, som levde etter Augustins regel og var mykje utbreidd ikring 1500. - Som grunn til denne fyrste norske kloster-sekularisasjon i Frederik I's tid vart nemnt m.a., at Antoniusbrødrane "bedreve et uskjelligt og løsagtigt Levnet". Kor sann denne dom er, saknar me midlar til aa kontrolera; er lutheranaren Antonius utgangen av dette klosteret, er det forstaaelegt, at Vincents Lunge valde nettopp det.

Men han retta òg sine hender ut etter Utstein Kloster. Her møtte han likevel ein vaken motstandar i biskop Hoskold av Stavanger. Denne segjer i 1531<sup>20</sup>, at Vincents Lunge "lenge" hadde arbeidt for aa faa tak i dette klosteret; tvo gonger hadde han innsett sine furstar der, og kvar gong hadde biskopen vist dei av og innsett vigde abbetar, men atter var hr. Vincents over biskopen og bad um aa faa klosteret i 1531, men faafengt; "derover skildes vi okompane, ok vente at han skal enn i same maate komme igjen".

I 1528<sup>21</sup> brann Svartebroderklosteret i Bergen. Det heitte, at dette skjedde ved vaadeeld<sup>22</sup>. Men kvar mann i Bergen sa - og det vart fortalt i halvtanna hundrad aar so<sup>23</sup> - at hr. Vincents Lunge hadde lagt over med den danske prioren Jens Mortenssøn, "at han skulde sette ild udi klosteret, hvilket hr. Jens ogsaa gjorde". I fyrevegen hadde prioren teke ut det gull og sylv klosteret aatte, derimillom var eit 3 alnar langt krusifiks, sylvslege og med eit forgyllt bilate som vog 7 bismarpund<sup>24</sup>. Desse klenodier delte prioren og hr. Vincents millom seg<sup>25</sup>, men broderparten tilfall nok hr. Vincents, for Noregs riksråd klagde over, at han "annammede closterens eigedelder til seg"<sup>26</sup>. Prioren vart halden skadeslaus ved at Vincents Lunge skaffa honom garden Milde ved Bergen og tvo andre eigedomar av kongen til evig tid<sup>27</sup>. Han gifta seg og vart stamfader for ei talrik ætt<sup>28</sup>. Og ein del av munkane gjekk i tenesta hjaa Vincents Lunge som hans hovmenner<sup>29</sup>.

Slike overgrep paa klostri kunde ikkje gaa fyre seg med mindre kongen stilltegjande eller uttrykkeleg samtykte i det. Det var i 1528, at klostersekularisasjonen tok til i Danmark, og stormen mot dei danske tiggarmunkeklostri byrja. Kongen drygde ikkje med aa setja den same maaten aa reformera paa i verk ogso i Noreg. Etter at han i 1528 hadde gjeve Nonneseter i Bergen til hr. Vincens Lunge til arv og eiga, forlente han augustinklosteret ved Konghella til Jørgen Steenssøn<sup>30</sup>, og Gimsøy kloster til Iver Jenssøn Jernskjegg<sup>31</sup>. Alle desse tri menn var danske adelsmenn. I alle tri fall gjekk kongen ut ifraa, - som det vart honom sagt -, at desse kloster høyrde Noregs krona til. Det var rangt. Nonneseter i Bergen var sannsynlegvis grunnlagt av Bergens biskop<sup>32</sup>, som hadde overtilsyni over det; Kastle kloster ved Konghella høyrde erkebiskopen til, som òg hadde grunn-

lagt det<sup>33</sup>; og Gimsey kloster, som var skipa av hovdingane paa Brattsborg, laag alltid under biskopen i Oslo<sup>34</sup>.

Lutheriet, som hadde byrja i Bergen, tok no til aa breida seg til andre delar av landet. Hr. Vincents Lunge var inngift i den gamle norske stormannssetti paa Austraat paa Ørlandet, og der denne ætti raadde, vart fyredømet fraa Bergen fyrst fulgt. Fru Inger paa Austraat, vermor til hr. Vincentius, aatte hovdingsættet Giske paa Sunnmøre<sup>35</sup>. Der og andre stader ikring byrja tenarane aat fru Inger aa kveda til bords og ifraa, som dei gjorde i Bergen hjaa hr. Vincentius. Herøy-presten hr. Nils Mogensson totte dette var imot gamall god sedvane, men hine orsaka seg med, at dei visorene dei song, var utsette og gjorde etter "Deus misereatur" (Ps.66)<sup>36</sup> og andre salmar i psaltaren.

Oluf Jensson Skrivar, som var komen fraa Oslo i tenesta hjaa erkebiskopen og derifraa til fru Inger, vert umtala som "en principal til at kvede og skjemme prester efter Luthers dikt", men han forstod ikkje serleg aa fremja reformasjonen med andelege midlar. Han let det gaa ut over prestane paa Sunnmøre med haad og spott, og brukte jamveld vold.

I eit brudlaup um hausten 1528 tala han mange "forfengelege ord" mot soknepresten hr. Nils; men presten vilde ikkje forstyrre gildet med trætta, og gjekk sin veg og i seng "thi det var ikke beleiligt at straffe hannum der paa den tid". Sidan var Oluf skrivar i kast med hr. Mattis, prest i Ørskog, og "hr. Mattis straffide hannum saa lenge at Oluf skriver kaste sin stridshammer til hannum ok raakte hannum rett inn i munnen ok ut igjen paa kinnbenit", so han fekk eit stort saar. So laup Oluf skrivar ei liti stund i kyrkja - han søkte vel fristad der -, og futen og Rasmus skrivar tok honom i forsvar.

Naar kapellanen hr. Jacob sa messa paa Giske, gjekk Oluf skrivar likefullt i kyrkja, "den gode mann til stort hinder". Men hr. Thomas i Borgund kom og forbaud valdsmannen kyrkja. Daa sa han, at um dei vilde hindra han fraa aa gaa inn i kyrkja, vilde han setja seg upp i eit tre paa kykjegarden og kveda og syngja der. Provsten hr. Nils paa Herøy lyste daa Oluf skrivar i bann og forbaud futen, Rasmus skrivar, aa ha han i tenesta aat fru Inger, til han hadde forlikt seg med Gud og erkebiskopen sovelsom med hr. Mattis "som skade fikk". Men han tvila paa, at Oluf fasta eller fullgjorde sitt skriftemaal, og meldte saki aat erkebiskopen.

Tenerane aat fru Inger paa Sunnmøre heldt gaaande ein open strid mot kyrkja. Folk som provsten lyste kyrkjefred over, var ført til Giske av fru Ingers fut til aa gjeva løysepenger for livet sitt. Nokre drengjer som var saka for jomfrukrenkjing - og som difor skulde



standa til rette for kyrkjeleg dom - tok han udømd til Giske, enndaa faren deira baud all si eiga i pant for deim, um dei kunde njota lov og dom. Ein annan kar, som var skulda for hordom, tok fru Ingers tenarar og sette hndklavar og jomfru paa, og pinte han til blodet gjekk ut av fingrane hans; men han neitta og gjorde undanførsla paa tinget for provsten paa vegner av erkebiskopen. Ein bonde som hadde bøtt til provsten for sacrilegium, basta og batt dei og kalla han for tjuv og skalk, og førte han med seg til han fekk nokon til aa gaa god for seg, og enndaa kravde dei bot av han for tjuvskap, fordi han hadde betalt provsten kyrkjelegt sakfall. Daa provsten kom paa tinget for aa høyra um der var nokor sak som kunde vedrøra kyrkja, um slagsmaal, helgedagar el. dil., skjellte futen provsten ut og viste han ifraa tinget og sa han hadde ikkje noko der aa gjera, men bad honom gaa paa sitt provsteting. Futen skulda provsten for aa ha plaaga leiglendingane aat fru Inger; men provsten kunde fri seg ved gode vitnemaal. Der var gamall fiendskap millom dei tvo, sidan futen eingong var gjest hjaa provsten og i drukkenskap reiste kiv og trætta og sa at provsten (d.e. kyrkja) vilde taka ifraa kongen. Paa tinget vart provsten hastig og lova at han vilde klaga det for Gud og St. Olav. - Desse rivningane galdt, som ein ser, den kyrkjlege jurisdiksjon, som fru Ingers folk paa alle maatar sette seg ut over.

Tenerane aat hr. Vincents Lunge gjesta denne tid Sunnmøre paa ferd nordetter. Millom dei var det ein tidlegare prest, som no hadde teke verdsleg tenesta, nemleg ein kapellan, "som hed herr Peder ifjor, han heder nu Peder skriver". "Hr. Vincentius haver forbodet alt sitt folk under stor nefst (d.e. straff), at ingen skal kalle hanum annet enn Peder skriver. Han følger nu Nils Viburg efter i Salten for en skriver paa herr Vincentii vegne som en hovmann i alle maate, med klæder ok anden del, og en stor skramme i kinnbenet. Hanum fattes ikke nu mere end han haver ~~ikkexxxxxxxxx~~ intet len", skriv provsten skjemtande til erkebiskopen; "vilde Eders Naade verdes at sende bud efter hanum ok forlene hanum med mørkestuen (d.e. fengslet) en maanit eller to, da forvervde Eders Naade stor løn av Gud og stor takk av mangan dannemann".

Lutherdomen fann no veg vidare baade sudetter og nordetter. Utan tvil hev Vincents Lunges mektige vern gjort mykje til saki, - lutherdomen breider seg just i dei landsluter, der han hev noko aa segja.

Han hadde havt Lister i len solenge han var hovudsmann paa Bergenhus, og paa Utstein kloster sette han sine futar. Biskop Hoskold, som alt i 1526<sup>37</sup> var komen paa spent fot med Vincents Lunge, bad um sumaren 1529 den nye lensherren paa Bergenhus Esge Bille um aa halda lutherdomen ute fraa hans bispedøme: "Bede vi ok kjæriligen, at I

ville verdis med nogen del her i vaart stikt ikkje tilstede eller forstyrke denne fordømde vantro ok Lutri, som nu mange, dissverr, innen forblinde ere, men straffe ok vrekje (d.e. jaga ut) hvar dess behøves, saa faange I for Gud ok mennisker eit ærefullt ok elivlegt navn, et indelebile memoriale nedum apud Noricos, verum et ad exteris nationes (d.e.: og eit udøyande minne ikkje berre hjaa nordmennene, men òg hjaa utanlandske folkeferd)"<sup>38</sup>.

Fraa Finnmark, som Vincents Lunge ogso hadde til len, meldte futen aat erkebiskopen til sin herre um vaaren 1530, at "her er ok nogen lutheri ibland almugen, som sundentil komme heimelige; do holde de ennu gode sidvenje, som de have gjort tilforn"<sup>39</sup>.

Størst rolle spela Lutherdomen likevel i Bergen. Raadet i Lübeck klaga i mai 1529<sup>40</sup> til Noregs riksråd og til erkebiskop Olav over, at "fleire nye predikantar var innslepte (togestaddet) i Noregs rike og serleg i Bergen, der dei under skin av gudeleg og evangelisk læra forfører dei einfaldoge og ulærde, og fører deim burt ifraa dei gamle priselege og kristelege kyrkjeordningar og skipnader inn paa umilde og villfarande vegar til aa vanvyrda Guds tenesta og tenarar". Lübeck formana den tyske kjøpmannen i Bergen til aa bli ved det gamle, og bad riksrådet og erkebiskopen avsetja dei opprørske predikantane og setja kristelege lærarar i staden.

For den norske kyrkja og hennar framtid var no tilhøvet millom erkebiskopen og dei verdslege makthavarane i Noreg avgjerande, fyrst og fremst tilhøvet til kongen.

For aa tryggja si stilling som Noregs rikets fyrste mann bygde erkebiskop Olav, - i medhald av handfestingi - ei borg paa Steinvikholm i Trondheimsfjorden, paa ein liten holme i Aasenfjorden i Skatval; det er det fyrste og einaste biskopelege faste slott i Noreg umfram bispegardane ved domkyrkjorne, og var nærmast oppført etter mynster av den Tyske Ordens borg i Riga, fullt paa høgð med den tids nyaste krav til eit festningsverk<sup>41</sup>.

Fraa 1525 kom erkebiskop Olav meir og meir i misnøgje hjaa kong Frederik I, fyrst ved si innblanding i sakene aat dei svenske opprørarane mot Gustav Vasa (1525-26 Peder Sunnanvåder og meister Knut, 1527 daljunkaren). Men meir vekte han kong Frederiks uvilje ved den seige motstand han gjorde mot hans kroning i Noreg. Kongen ynskte aa kronast, men heldt paa Oslo som kroningsstad, medan erkebiskopen kravde at det skulde skje i Trondheim. Men det var krenkjande for norsk sjølvstendekjensla, at vedtak um denne reint norske sak, um kroningi og kroningsskatten, vart gjort under medverknad fraa Danmarks riksråd. Fire gonger lukkast det erkebiskopen aa hindra kongen i dette fyroset, og han sigra soleis i denne sak (1529)<sup>42</sup>.

Men den motburd kongen møtte hjaa primas i den norske kyrkja, framkalla planar um aa gjera denne mektige motstandaren uskadeleg. Det gjekk det ordet i Noreg i 1527, at mester Jørgen Skodborg<sup>43</sup>, den utvalde erkebiskopen av Lund, som var godkjent av paven, men ikkje av kongen, no skulde avløysa erkebiskop Olav, og soleis ein dansk mann inntaka erkestolen i Nidaros. Det vart ikkje noko av. Men i 1528 missa erkebiskopen alle sine kongelege len: Trøndelag, Trondheims by, Gauldalen og Sparbu, som vart gjevne til tvo holsteinske adelsmenn.

Verre var det for erkebiskopen, at han ogso fekk Vincents Lunge og fru Inger til Austraat til sine avgjorte fiendar. Desse hadde paa den mest kompromitterande maate vore innblanda i eventyret med den falske svenske tronpretendenten, Daljunkaren, i 1527, og med rette la erkebiskopen hovudskuldi for denne pinlege affæra paa Vincents Lunge og Austraatfamilia<sup>44</sup>, og orda um, at hr. Vincents aspirerte til Noregs truna.

Vincents Lunge bar no paa store planar<sup>45</sup>. Det gjekk det ordet, at han ville bryta med Domkyrkja i Bergen og Munkeliv kloster, og byggja slott av dei. Men ikkje nok med det. Han tenkte i Noreg aa gjennomføra ein reformasjon av kyrkja paa same maaten som det var skjett i Sverige paa riksdagen i Vesterås 1527. Det vart fortalt um vaaren 1529 rundt i alt Noreg<sup>46</sup>, at han hadde faatt kongen til aa gaa med paa, at prælaturar, kyrkior og kloster skulde faa nye verdslege hovudsmenn, som skulde nytta inntektene til aa halda hovmenn (soldatar), medan erkebiskopen og biskopane skulde berre faa hava sveinar. Framande adelsmenn skulde overtaka leni og halda folk til aa forsvara land og rike. Den faste borgi aat erkebiskopen paa Steinvikholm skulde takast, og det vart meldt fraa Bergen, at dei mennerne alt var komne, som skulde hava leni aat erkebiskopen og Tautra og Holms kloster.

Dei nye tiendene gjorde bøndene misnøgde og ottefulle: "Gud raade vel hvad lag her av vil vorde, vi forstaa ingen tyske, ok ingen faa vi daa klage vos fore, ihvad orett oss overgaar; naar erkebiskopen haver ingen makt, daa er lited ventendes trøst av Hans Naade (kongen)!"

Erkebiskopen harmast over, at den danske hovdingen vilde bryta ned kyrkior og kloster og dermed fornedra kristendomen og Gudstenesta<sup>47</sup>. Men han skyna, at kampen for kyrkja fyrst og fremst maatte verta ein kamp for fridomen og maktstillingi aat erkestolen. Difor laut han sjaa aa koma fiendane sine i fyrekjøpet, ved aa taka deira len og kongsgardar, fyre dei fekk fekk høve til aa taka hans. Erkebiskopen raadde over ein styrke paa 300 mann, og han heldt fram med aa verva folk; han heldt tvo kravelar i sjøen, og fleire jakter, og til førar

sette han den modige og djerve Kristoffer Trondsson Rustung, ein frende av erkebiskopen.

I 1529 sendte erkebiskop Olav Vincents Lunge og vermor hans feidebrev, og herferdi lukkast vel. Han tok alle fru Ingers len, gardar og gods, og fraa Vincents Lunge tok han Finnmark med Vardøyhus, Jämtland, og eit skip. Dermed var dei baae ute av stand til aa setja seg til motverja.

Men um sumaren 1529 gjorde Frederik I tvo steg, som maatte vekkja den mest levande uro i hugen hjaa erkebiskop Olav.

1) Kongen sendte sonen sin, den lutherske hertog Christian, til Noreg, for aa hyllast som tronfylgjar. Men erkebiskopen drog seg undan hyllingsmøtet ved aa venta, og til slutt ved aa senda orsaking; derved hindra han, at hertogen vart hylla i Oslo, som planen var. Men hertogen tok klenodia ut av det kongelegge kapell Mariakyrkja i Oslo og førte dei med seg til Danmark<sup>48</sup>.

2) Den 18. august 1529 braut kongen openljost si norske handfesting, - likesom han fyrr hadde brote den danske -, ved aa gjeva tvo lutherske predikantar vernbrev til aa "predike ok lære Guds ord i Bergen fore fattige og simpel almue...som de ville selve forsvare og bevise", og bad lensherren paa Bergenhus syta for, at deim ikkje "skjer nogen forfang eller urett"<sup>49</sup>. Desse predikantane, som sjølv hadde vendt seg til kongen og bedt um vernbrev, heitte herr Hermen Frese og herr Jens Viborg. Etter namni aa døma var den fyrste av deim ein nedertyskar, den andre ein danske, og karakteristisk nok viser tilnamnet aat dansk- en til arnestaden for reformasjonen i Danmark, Viborg.

Det er ikkje aa undrast paa, um ein sjølvmedviton nordmann<sup>50</sup> og truande katolikk som erkebiskop Olav vart opprørt i si inste sjel over den openberre vanvyrtnad kongen og hertogen viste imot dei klaare ord i handfestingi um deira plikter baade mot den gamle kyrkja og mot Noregs sjølvstende. Tankane aat erkebiskopen vendte seg difor atter imot den utlæge Christiern II, Noregs retteleg kronte konge, som han eingong hadde svore truskap. Det tyktest so, at Christierns nære samband med keisarhuset, den høgaste verneherre over den katolske verdi, vel maatte gjeva trygd for, at kongen i alle fall ikkje vilde fremja lutherdomen.

Paa dette tidspunkt var likevel Christierns stoda til den katolske kyrkja alt anna enn klaar. Hans gode ven Christiern Pederssøn, fyrr kannik i Lund, hadde slutta seg til honori utlægdi, og hadde her gaatt over til reformasjonen. Han oppheldt seg ved kong Christierns hov i Lierre i Brabant, om umsette her for "den menige almue" det Nye Testamentet heilt fraa nytt av etter Vulgata, med hjelp av Erasmus og Luther. Christiern Pederssøns Nye Testamente utmerker

seg ved eit naturlegt, fyndigt, klaart og korrekt dansk, og staar i spraaklegt verde knapt tilbake for Luthers tyske. Det vart prenta i Antwerpen 1529, med fortale til "alle danske, svenske og norske", og maa ha funne god avsetjing, for alt i 1531 kom det i nytt opplag. I 1531 gav Christiern ogso ut ei umsetjing av Davids Salmar, etter fleire nyare umsetjingar, og han la planar for ei heil umsetjing av det Gamle Testamente.

Men samtidig med Christiern Pederssøn oppheldt ogso den utlæge erkebiskopen av Uppsala Gustav Trolle seg ved kong Christierns hov og arbeidde her og andre stader trottugt for hans sak. Han var ein trufast tilhengjar av den katolske kyrkja.

Etter freden i Cambrai 1529<sup>51</sup> ljosna det umsider for Christiern<sup>52</sup>. Lovnaden aat keisaren um aa hjelpa Christiern til riki hans igjen stod framleides fast, og fraa Noreg høyrde han no tiender som gav honom von um, at dei norske biskopane og prælatane vilde taka imot honom med opne armar og reisa folket for honom, um han berre vilde koma til landet med herhjelp. Riksdagsvedtaket i Speier 1526 um, at dei einskilde tyske fyrstane skulde ha fridom til aa stella seg i trudomsspursmaalet som dei sjølve vilde andsvare for Gud og keisaren, det kravde keisaren opphevd paa riksdagen i Speier 1529. Mot dette protesterte dei evangeliske fyrstane og byane og hevda religionsfri-  
domen som ei sak som galdt Guds æra og samvitet aat den einskilde.

Stoda kravde difor no ei klar avgjersla av Christiern II, anten han vilde halda seg til katolikane eller til protestantane. Han valde det fyrste, og lova keisaren (2? 8? februar 1530) aa avsverja lutherdomen og vera tru mot den katolske kyrkja og handhevja den i sine land og rike, og aa vera ein trugen stridsfelage for keisaren imot alle hans fiendar<sup>53</sup>. Han skilde seg ved sin lutherske kapellan Christiern Pederssøn og tok ein katolsk i staden.

I mai 1530 i Innsbruck møttest Christiern med den pavelege legaten kardinal Campegio, som var paa vegen til Augsburg, og underkasta seg kyrkjebot og avsvor den lutherske kjættarskapen. Han var no utsona baade med paven og med keisaren, og hadde fenge studnad av den siste til aa gjera herferd til aa vinna tilbake sine rike.

Paa den andre sida gav kong Frederik I si tilslutning til det protestantiske fyrstesambandet, paa visse vilkaar, ved ein traktat med landgreiv Filip av Hessen, april 1530.

Kong Christierns rustningar vart ikkje ukjende i Danmark og Noreg, og Frederik I hadde mistru til erkebiskop Olav. Men erkebiskopen hadde korkje avgjort slutta seg til Christiern eller brote med Frederik. Han stod sjølv i største uvissa: "den gode herre var baade av innlendske og udlendske saa overfylt av dikt, trusel og mange-

foldig løgn, at Hans Naade maatte vel derover have blevet underlig fortvilet og forbistret"<sup>54</sup>. Daa kong Christiern ikkje kom, som voni var, gjorde erkebiskopen fred og forlik med fiendane sine, Austraatætti og Vincents Lunge, og tilsa høgtideleg Frederik I truskap.

Noter til kap.VII,4.

1. Müller KG II 1,269.
2. ib. 269.278.
3. ib. 269.
4. KLN III.114.
5. Müller 290.
6. ib. 349.
7. KLN II,339.
8. Müller 387.
9. ib.
10. DN VII s.649-50.
11. DN XIV nr.545 + etterskrift III nr.1100. Jfr. Westman s.287-90.
12. DN VII nr.640.
13. N.Saml.I,4.
14. NH III 2,304f.
15. N.Saml. I,4.
16. DN IX nr. 571.
17. DN IX s.538.
18. DN IX s.540.
- 18a.Kalkar I,293. Jfr.Rørdam, Hist.Kildeskr. I,186: den regel og sprog: haver S.Peder ikke sverd, og S.Lauritz ikke brød? 1537.
19. NRR I,16.
20. DN IX,s.676.
21. NMag.I,530.
22. Soleis i klag, NRR 1531, SNSPH.II,88.
23. N.Mag.II,601.
24. N.Fornhvn.422.
25. N.Mag.II,601.
26. SNFSH II,88.
27. NRR I,23. N.Mag.II,269.
28. N.Mag. II,269.
29. SNFSH II,88,
30. NRR I,21 (Dansk adelsmann, Thisel, D.ad.Sig.16+17. Aarh. M 42.43).
31. ib.I,16. (Dansk adelsmann.)
32. Lange 2,s.315.
33. ib.451.
34. ib.456ff.
35. DN V 1056.

36. Ps.66(67) finst ikkje umsett til dansk killom dei eldste danske salmane, fraa 1520-aari, sjaa Severinsen, Widding.
37. NH III 2, 325.
38. DN II nr. 1093.
39. DN VIII nr.623.
40. DN IX nr.522.523.
41. Wallern,17,57.
42. NH III 2, 330-1. 337.
43. NH III 2,329.
44. NH III 2,334.
45. DN V nr. 1061.
46. DN X 578.
47. DN V nr.1061.
48. NH III 2, 338-9.
49. DN VIII nr.603.
50. NH III 2,340.
51. DRH III 1, 310-1.
52. NRH III 2, 340-1. 345.
53. Kalkar, Aktst.nr. XXVII. DRH III 1,312. NH III 2,345.
54. NH III,2,342.

## 5. Brytningar, 1530-1533.

I kring 1530 var den gamle kyrkja i Danmark i oppløysing. Sambandet med Rom hadde vore avbrote sidan 1526. Tri av bispestolane hadde berre valde, men ikkje vigde biskopar: Lund, Roskilde og Odense. Den utvalde biskopen i Roskilde, Joakim Rønnow, hadde maatt lova, at han ikkje skulde hindra nokon i aa preika evangeliet etter Skrifti eller aa gifta seg, og godkjenna kongen og riksrådet som verneting for predikantane. Mange prestar var brødlause, av di messor overalt var nedlagde og familia kravde godset attende. Kyrkjer vart nedrivne, klostri stengde. Paa landet var det vanskar med tienden. Fleire nye prestar var ved kallsbrev forplikta til aa preika og læra Guds ord og det heilage evangelium.

Religionsspursmaalet kom upp til stor dryfting paa den danske og norske herredagen i Kjøbenhavn sumaren 1530. Fraa Noreg møtte berre tvo verdslege raadar - baae danskar (Vincent's Lunge og Mogens Gyldenstjerne) -, ingen kyrkjemann. Dei evangeliske predikantane var innkallt, det møtte 21<sup>1</sup>, alle fraa Danmark, - fraa Noreg ingen.

Prælatane paa herredagen freista aa knekkja reformasjonsrørsle og serleg dei evangeliske frikyrkjelydane, men det mislukkast. Prælatane kravde trygd for kyrkjetiensten og kyrkjegodset, stadfesting paa den kyrkjelege jurisdiksjonen, tilbakegjeving av forstyrra kyrkjer og kloster, og forbod imot luthersk preika, paa grunnlag av handfestingi.

Kongen kunde ikkje gjera meir enn aa innskjerpa tiendplikti. Otten for Christiern II tvang kongen og raadet til aa sikra seg hjelp til forsvaret av borgarane, og til vederlag for den vart det gjeve ei ny kjøpstadlov, som i fleire maatar minner um Christiern II's bylov. Den nye lovi inneheld ei viktig reformatorisk fyresegn, som var oppteki etter krav fraa dei jyske byane: "Item om Guds ord ok evangelium ville vi, at hvilken som naaden haver, maa det klarligen prædike ok obenbare lære for menige almue udi vore købsteder ok andersteds over alt rigit...Dersom nogen prediker eller lærer nogit andit end han bevise kan med den Hellige Skrift, da skal den samme stande derfor selv til rette"<sup>2</sup>.

Kongelege kallsbrev fraa den fylgjande tid viser, at dette er aa forstaa soleis, at den danske landskyrkja - ikkje berre kjøpstadkyrkjelydande, men kyrkja i det heile, - hev evangelium til grunnlov, baade for læra og for ceremoniane<sup>3</sup>.

Herredagen i Kjøbenhavn vart halden samstundes med riksdagen i Augsburg, der dei tyske protestantane 25.juni 1530 la fram si læreformulering (Apologia, - sidan kalla Confessio Augustana). Uavhengig



av tyskarane framstelte ogso dei danske predikantane, til svar paa klagorne fraa prelatane, si læra, med paavisning av, korleis ho samsvara med skrifti. Dette "gjensvar"<sup>4</sup> som er heilt sjølvstendigt, er sers forvitnelegt, avdi det so fast hevdar den lutherske læra og so uforsagt polemiserar imot romarkyrkja, medan den augsburgske konfesjon siktar paa aa gjera skilnaden so liten som mogeleg.

Til forsvar let prelatane utarbeida ei utførleg "confutatio" paa latin<sup>5</sup>, forfatta av ein innkalla tysk franciskanarmunk, Nicolaus Herborn fraa Köln,- eller som han kallast i Danmark, Nicolaus Stagefyr eller Stagebrand -. Sidan forfatta Povel Helgesson eit utdrag paa dansk av ein del av dette forsvarsskrift<sup>6</sup>.

I kyrkjerne i Kjøbenhavn preika predikantane heile den tid herredagen vara, men det kom ikkje til nokon offentleg munnleg disputas millom partane, for prelatane vilde ikkje godkjenna riksraadet som verneting i religiøse spursmaal, og neitta aa nytta dansk i ordskiftet. Partane skildest uforlikte og misnøgde. Prelatane hadde venta aa faa slaa eit avgjerande slag imot dei evangeliske, predikantane aa faa gjennomført reformasjonen vidare ved makti aat landsfyrsten. Kongen gav ikkje anna svar enn at han vilde handheva baae religionar, til det var halde koncilium<sup>7</sup>.

I Danmark gjekk no kyrkjekampen i høge bylgjor, serleg i Kjøbenhavn. Borgarane freista ved bilæt- og altarstorm aa vinna Vaar Frue kyrkja, utan at det lukkast. Universitetet vart oppløyst. Polemiske skrifter kom fram fraa baae sidor, og i grove satirar vart tidsspursmaali dryfta rundt i landet. Vidastgaaande var dei evangeliske predikantane, som ekscellerte i dei drjugaste skjellsord mot sine motstandarar<sup>8</sup>: dit papistiske kreatur, din fedhugede skalk (um Povel Helgesson), løgnere og bedragere, sjølemordere og tyveknekte. Ein av dei mest framstaaande millom dei evangeliske predikantane, Jørgen Jensen Sado-lin, verka fraa 1532 som "medhjelpar i ordet" for ein av dei uvigde katolske biskopane, Knud Gyldenstjerne i Odense. Han umsette Luthers katekismus til dansk til bruk for prestane i Odense bispedøme, ved barneundervisningi, 1532, og i 1533 umsette han den augsburgske konfesjon til dansk<sup>9</sup>. - I Skaane gjorde reformasjonen sterke framsteg gjennom den demokratisk-revolusjonære rørsle.

I Noreg tok ogso den reformatoriske rørsle til aa setja noko sterkare inn ved aar 1530, helst i Bergen. Her var den katolske tenesta so godt som nedlagt i dei kongelege kapell, den forfallne Apostelkyrkja og i Krosskyrkja<sup>10</sup>. Tyskarane dreiv ut dei norske sokneprestane i Mariakyrkja og i Martinskirkja og innsette tyske i deira stad<sup>11</sup>; det same hev visstnok ogso dei tyske skomakarane gjort i Hallvardskyrkja<sup>12</sup> - her vart nemleg den fyrr umtalte munken Antonius sokneprest.

Den folkelege uviljen imot den nye læra, som var aalmenn alt i Vincents Lunges velmaktsdagar, gav seg drastiske uttrykk. I januar 1531 vart tri bergenske aalmugesmenn klaga for lagmann og raad for, at dei hadde lagt ei tent lunta under huset til hr. Herman predikant - d.e. utan tvil den fyrr nemnde Hernen Frese.

Raadet i Lübeck bad difor erkebiskop Olav sjaa igjennom fingrar med, at den nye læra hadde funne inngang millom deira landsmenn i Bergen<sup>13</sup>. Naar raadet tok denne moderate holdning, so var det fordi reformasjonen var nær ved aa sigra i Lübeck sjølv.

Christiern II heldt fram med førebuingane til aa vinna att sine rike; og etterdi han hadde bes. voner i Noreg, var dei danske makthavarane her serleg paa vakt og budde seg i tide til aa taka imot han. Dei ottast, at dei gamle kyrkjerne og kyrkjelege bygnaderne, som laag nære inn paa Bergenhus slott, kunde gjeva fienden studnad. Hovudsmannen i Bergen, den danske riddaren Esge Bille, fekk difor kongen til aa samtykkja i aa riva dei ned, for forsvaret skuld. Etter halvtanna aars forhandlingar med biskopen og kapitlet oppnaadde danskane ogso deira samtykke til denne ugjerning. Baade den store Kristkyrkja og den mindre Kristkyrkja, bispegarden og kanikegarden, vart nedbrotne. Til vederlag fekk biskopen og kapitlet Munkeliv kloster, med plikt til aa føda birgittakonventet. Apostelkyrkja, som var kongeleg kapell, raadde kongen sjølv for; den let han òg bryta ned; noko av steinen vart ført til Gottorp i Slesvig til aa nyttast som byggjestein paa hertogslottet der, noko vart selt i Noreg aat kongen; klokkorne vart òg selt, og for pengane vart det kjøpt "bysser, krud og lod til vort slott Bergenhus's behov"<sup>14</sup>.

Bønderne i bygderne kring Bergen vart innkalla for aa for aa bryta desse herlege byggverk ned, - den mindre Kristkyrkja var bygd av Olav Kyrre, den større var fullførd paa 1100-talet, Apostelkyrkja var reist av Magnus Lagabøter, ein juvel i norsk gotisk kunst. Dei herlege klenodia aat Apostelkyrkja hadde Vincents Lunge i fyrevegen sendt ned til Kjøbenhavn (kvittering 15. juli 1530)<sup>15</sup>.

Slik framferd vekte aalmenn uvilje og harme over alt landet, og gav godt agitasjonstilfang for kyrkja imot Frederik. Dei verdslege stormennerne rette henderne sine ut etter klostri - Vincents Lunge vilde ha Utstein, Nils Lykke Tautra, vermor deira fru Inger paa Austraat Reins kloster.

I denne tid brann Trondheims by med domkyrkja og alle andre kloster og kyrkjer - so nær som dominikanarklosteret - og tillike Nidarholms kloster. Det var dei tyngste tider den norske kyrkja hadde gjennomlevt paa lenge.

Sumaren 1531 vart det atter halde ein dansk herredag i Kjøbenhavn.

Noreg var representert av dei tri danske maagane aat fru Inger og av tri biskopar. Herredagen førte ikkje til noko løysing av dei politiske sjølvstendekrav som Noreg sette fram. Erkebiskopen møtte ikkje, ei heller biskop Mogens av Hamar, - baae vendte no si von til kong Christiern. Den svenske erkebiskopen Gustav Trolle kom til Nidaros og tala Christierns sak, og mana biskopane i Hamar og Stavanger til aa yta Christiern kraftig hjelp, - elles vilde kristendom og kyrkja utrydjast, heitte det. Dei kunne spegla seg i den lagnad Bergens domkyrkja hadde faatt. Hamarbiskopen<sup>16</sup> samla kyrkjesylyv for aa hjelpa Christiern med, og erkebiskopen deltok i attervinningsplanane med raad og daad.

Den 5. november 1531 kom Christiern II til Noreg med her og flote. Han vann straks fast fot i Oslo, og heile landet sunnanfjells gjekk over til honom paa faa dagar. Kyrkjemennerne var dei leidande, fyrst og fremst biskopane i Oslo og Hamar. Ogso i Oslo bispedøme vart det no samla sylv og pengar fraa kyrkjerne, til laan for kongen<sup>17</sup>. Snart hylla erkebiskop Olav sin gamle herre, og nyaarsdagen 1532 lova kongen kyrkja hennar rett og fridom som fyrr: "Ville vi ok holde den hellige kirkje her i Vort rige Norge ok hennes prelater, personer ok tjenere ok gods ved deris rettferdige ok kristelige friheder, privilegier ok gamle sedvane, ubrødelige i alle maade, som dem av Vore forfedre, Norges riges framfarne konninger, naadelig undt ok givne ere, som ikke mod Gud, ok kristelige log, skjel eller rett vere kunne"<sup>18</sup>.

Samstundes lova kongen, at han ikkje vilde "tilstede, at Luther eller hans discipel skulle her efter besvike hans naades undersaatte med deres falske ok forgiftige lærdom, uden hans naade vil late dem straffe ved liv ok gods"<sup>19</sup>.

Denne siste lovnaden er ikkje oppteken i privilegiebrevet, men maa vera gjeven erkebiskopen munnleg, og med det hev han slaatt seg til ro. I denne sak var Christiern likevel ikkje til aa lita paa no meir enn fyrr. - I fylgjet hans var fleire openberre vener av reformasjonen<sup>19</sup>; millom deim bibelumsetjaren Hans Mikkelssøn, og kanslaren aat kongen, dr. Paulus Petrus Kempe. Kongen braut straks lovnaden sin ved aa setja Povel Kempe til provst ved Mariakyrkja i Oslo, - "dog maa saa skjel, at han skal lade prædike Guds ord og hjælpe fattige Folk deraf"<sup>2</sup> Etter "prædike" var fyrst skrive "Lutheri" (lære).

Povel Pederssøn Kempe<sup>21</sup> var ein dansk mann, som under Christiern II' utlægd hadde vunne tiltru hjaa kongen og var kalla til lærar for kongsonen Hans i 1525. Han var fanatisk lutheranar og dulde aldri si tru. Povel Kempe var mykje maalkunnig, og etter oppmoding av kongen tok han til med aa setja um Bibelen til dansk fraa grunnmaali; berre dei tvo fyrste evangelia og 5. Mos. vart ferduge av denne umsetjingi. Brev-

skiftet hans med kongen i utlægdi viser hans lærdom og ihuge for evangeliet, men ogsaa eit ovfust og hatefullt huglag imot katolikane.

Under Christiern II's opphald i Noreg 1531-32 var det kanslaren som oftast førte ordet paa vegner av kongen, under tingingane med motstandarane, baade skriftleg og munnleg, og der let han kongen framstella seg som ein avgjord tilhengjar av evangeliet. For Frederik I og dei vendiske hansestaderne heldt han fram, at kong Christiern, likesom dei, hadde "annammet og bekjennt Guds hellige ord og Jesu Christi evangelium"<sup>22</sup>. Ein evangelisk religiøsitet kjem klaart til orde hjaa Christiern, daa han um sumaren 1532 vart nøydd til aa huga med Fredrerik I um fred.<sup>23</sup>

Hos ein mann som kunde maalbera slik ei indre tilslutning til reformasjonen, vilde det vera meir enn tvilsamt, um den katolske kyrkja i Noreg hadde funne nokon varande studnad. Motstandarane hadde heller ikkje nokor tiltru til Christierns fagre evangeliske talemaatar. "Dersom Eders Naades hjerte var som Eders Naades skrivelse, da var det uden tvivl Guds gave ok ikke menniskes natur, thi Gud ved bedre, vi have mangfoldig anderledis forfaret i alle forgangen tid"<sup>24</sup>.

Men likeso lite som der vart vist Christiern tillit fraa dansk sida, likeso lite fann danskane seg forplikta til aa halda det som vart honom lova: Etter forhandlingar med hovdingane for den dansk-tyske herferd til Noreg, avstod Christiern II 1. juli 1532 Noregs rike til Frederik I og fekk fritt leide til aa fara til Danmark paa Frederiks skip for aa tinga vidare med sin farbror. Men i Danmark var uviljen mot Christiern no sterkare enn fyrr hjaa dei evangeliske og reformasjonsvenlege makthavarane, og kong Frederik og hans menn hadde lagt raad upp um aa gjera Christiern uskadeleg ved aa setja han i forvaring. Den mann som stod fyre herferdi til Noreg og tinga med Christiern og som fylgde med honom til Danmark, var den utvalde biskopen av Odense, Knud Gyldenstjerne, bror til den danske hovudsmannen paa Akershus Mogens G., - i hans bispedøme var just, at Jørgen Sadolin som hans "medhjelpar i ordet" paa denne tid fremja reformasjonen. Ein annan av leidarane var den danske riddaren hr. Nils Lykke, maag til fru Inger paa Austraat. Biskop Knud var veik nok til aa gjeva det raad, at leidet ikkje turyste haldast mot kong Christiern, for, etter det biskopen sa, hadde Christiern sjølv ikkje halde lovnaden ~~XXXXXX biskopen xxxxxxxx~~ sin. Paa grunnlag av leidet og sitt evangeliske trudomsfelleskap med farbroren venta Christiern seg ein "ærlig og kristelig handel", men i staden møtte det honom den lagnad aa verta ført som fange til Sønderborg slott paa Als - der vart han sitjande til sin døyande dag, i 28 aar.

Reformasjonen hadde teke til baade i Danmark og i Noreg med brot

paa kongelege handfestingar. Han hadde ikkje indre makt til aa hindra lovnads-brotet imot kong Christiern. Som den tyske sogek-skrivaren Dietrich Schäfer segjer, vil det alltid vera ein skamfleck paa den danske, slesvig-holsteinske og hanseatiske historia<sup>25</sup>.

At Christiern II's velde i Noreg tok so braa ein ende, skulde ein ikkje tenkt seg etter den framgang han her hadde<sup>26</sup>. Som Noreg "kronede konge" var han hylla av riksrådet sunnanfjells med kyrkjemennerne i brodden<sup>27</sup>, og av erkebiskopen. Med Christierns fullmakt hadde erkebiskopen opna ein ny feide med Vincents Lunge og fru Inger og Nils Lykke. Han vann snøgt alle deira len, og tinga landet under Christiern nordanfyre Stad. Men paa Vestlandet hadde Vincents Lunge og Esge Bille makti, Bergensbispen Olav heldt med Frederik I<sup>27a</sup>, og Stavangerbispen Hoskold var passiv; likevel hadde ogsa her Christierns herfolk tåke til aa vinna seg fram.

Fraafallet fraa Frederik I<sup>28</sup> forsvara erkebiskop Olav med aa visa til at Frederik hadde brote handfestingi si. Han klaga<sup>29</sup> over dei "mangfoldige overfall, som kirker, kloster ok deris personer skeet er i noyer disse forledne aar imod løfte, beseglede breve ok kristelige sedvaner"; "En part kirker ok kloster ere nederbrøtne i grund, deris klenodier ok egedeler ere av legmenn forskingret, klostermenn ok klosterjomfruer som til Guds tjeneste vore skikkede, ere fordrevne, somme kloster ere ok med gods ok egedeler, løst ok fast givne i legmenns hender, dennom ok deres arvinger at have til everdelige eie, Kastelle kloster som Sancti Olufs domkirke tilhører ok rolige alltid notid (=nytt) haver, er oss fratagit".

Kampen um makti i Noreg, millom Frederik og Christiern medførte vidare overgrep og valdsgjærningar mot kyrkja i Noreg. Abbeten Hans Andersson i Hovudøy nekta aa utlevera klenodia aat klosteret til Frederik I's hovudsmann paa Akershus Mogens Gyldenstjerne, men førte deim til Christiern II i Oslo. Daa sendte hr. Mogens sine folk til Hovudøy ei vinternatt (21. januar 1532) og let abbeten gripa i sengi og føra fangen til Akershus. Klosteret vart plundra og røva, brennt og nedbrote, og klostergodset lagt under Akershus slott. Dei danske hovdingane lova med hand og munn kong Christiern, innan han for ~~fraxx klostere~~ or landet, at abbeten skulde faa klosteret igjen, so snart Christiern var paa kong Frederiks skip<sup>30</sup>.

Samstundes med biskop Knud Gyldenstjernes ferd til Oslo vaaren 1532 vart den danske eventyraren adelsmannen Otte Stigsson sendt nordanfjells med jakterne aat kongen<sup>31</sup>; han før til Trondheim i fylgje med den nye danske lagmannen i Stavanger Nils Klaussøn og den danske adelsmannen Tord Rod, som fyrr hadde tent erkebiskopen og Vincents Lunge og no var i tenesta hjaa Esge Bille. Dei brente erkebispegarden

i Trondheim og tvo av sætegardane aat erkebiskopen, dei kravde inn brandskatt av presteskapet, borgarane og aalmugen, og tok dessutan "bytte og prise"; kongen gav deim part i altsaman<sup>32</sup>. Peder Claussøn fortel i "Norges Beskrivelse" um lag 1600, at Otte Stigssøn ogso "haver opbrend paa Trondhiems kirkegaard det skjøne liberii (bibliotek) ok mange nyttige bøger ok breve, som vare i Trondhjems kapitel".

Kloster-sekularisasjonane vart i 1532 gjennomført i vidare maal. Frederik I's tilhengjar fru Inger paa Austraat og hennar maag, den danske riddaren Nils Lykke, hadde late seg velja til verdslege forstandarar for kvart sitt kloster i Trøndelag, -fru Inger i nonneklosteret paa Rein, Nils Lykke i cisterciensarklosteret paa Tautra<sup>33</sup>. Frederik I gav deim 1.mai 1532 stadfesting<sup>34</sup> paa aa vera forstandarar for desse klostri og deira gods, mot aa føda konventi og halda tenesta uppe.

Olavsklosteret i Tunsberg vart forlent til ein annan av fru Ingers danske maagar, adelsmannen Erik Ugerup, som hadde norske len og sat i Noregs rikets raad<sup>35</sup>. Verne kloster, som hadde slutta seg til Christiern II, gav Frederik I i len til sin hovsinde (hirdmann) den danske adelsmannen Peder Brockenhus<sup>36</sup>. Samstundes vart Gimsøy og Dragsmark kloster paa nytt forlent til verdslege danske kongetenarar - det fyrste til ein mann i Mogens Gyldenstjernes tenesta paa Akershus, Hans møntemester<sup>37</sup>, det andre til den danske adelsmannen Peder Størle<sup>38</sup>. Graabroderklosteret i Konghella, som var brent (under krigen millom kongane) vart nedrive og nytta til bygging paa Baahus slott<sup>39</sup>.

Etter at kong Christiern II's sak var tapt, hylla erkebiskopen og biskopane i Oslo og Hamar paa nytt Frederik I som Noregs konge. Dei fekk full tilgjeving for sitt fraafall og vart innsett i sine gamle rettar. Erkebiskopen og Hamarbiskopen gav kongen store pengegaavor, den danskfødde Oslobiskopen for til Kjøpenhamn og underkasta seg. Noregs riksråd fornya unionen med Danmark i Trondheim 7.november 1532<sup>40</sup> paa det vilkaar, at Noregs rikets fridom og privileg skulde standa ved full makt. Erkebiskopen forlikte seg fullkomen med sine fiendar Vincents Lunge, fru Inger og Nils Lykke, og der var atter fred i landet.

Erkebiskopen overgav seg med ein protest mot tolv brot<sup>41</sup>, som Frederik I hadde gjort imot si norske handfesting, og derav var otte overgrep imot kyrkja.

Millom klagorne merker me oss serleg dei som gjeld den kyrkjelege oppløysningsprosess som no ogso i Noreg tek til aa setja sterkare inn, som ei fylgja av reformasjonsrørsla:

"Forløpne ok overgivne munkar ok prester bedrage fatige simpel almug med deris falske ok forgiftige ~~fortrøstendis~~ lardom, fortrøstendis seg paa vor kærteste naadugiste herris beskermilsebrev, ok derover beskrie ok forhaane bisper ok prelater."

"Bannsmenn ok andre ugjerningsmenn forsvares ok beskjemis av leigmenn imot kirkens lag ok gamle gode sidvaner."

"Imot Norgis lag ok kristenretten bliver ok tilstedt, at kjøt bliver fortært paa fredag ok andre bodne fastedager".

Det som soleis erkebiskopen klagar over er 1) kjøttarsk og polemisk læra under kongeleg vern, 2) tilsidesetjing av kyrkjeleg disiplin og jurisdiksjon, og 3) brot paa fastereglane.

Søkulariseringi av kyrkjelege institusjonar i Frederik I's tid gjekk ikkje berre ut over klostri. Den kongelege kapell-organisasjon, Haakon V's stolte verk, som var skapt til stydjepunkt for dei kongelege interessor i kyrkja, let Frederik I fullkomen forfalla. Alt under kongane Hans og Christiern II var talet paa sjølvstenduge kongelege kapell, ialt 14, blitt redusert ved samanslaging med andre kyrkjelege skipnader<sup>42</sup>. Under Frederik I vart det eine etter det andre av dei kongelege kapell burtgjeve som len til verdslege personar, helst kongelege tenestemenn - det gjeld St.Jørgens hospital i Tunsberg, Mikaelkyrkja paa Slottsfjellet ved Tunsberg, Mariakyrkja paa Trums, Olavskyrkja paa Avaldsnes, Krosskyrkja paa Fana ved Bergen<sup>43</sup>. Apostelkyrkja i Bergen<sup>44</sup> og Mariakyrkja i Oslo<sup>45</sup> var forfallne og stod mest øyde, klenodia vart ført til Kjøbenhavn, og hovudkyrkja for kapellorganisasjonen, Apostelkyrkja, vart nedbrøte i 1531.

Jamvel hospital tok kongen til aa gjeva burt som verdslege forleningar<sup>46</sup>.

Til gjengjeld var det Frederik I's plan aa binda sjølve det kyrkjelege embetsverket under kongemakti, i Noreg som i Danmark. Kongeleg utnemning av biskopane var i Danmark lovfesta ved recessen i Odense 1526. - Ved fyrste vakans i ein norsk bispestol vart utan vidare denne regelen ogso praktisert i den norske kyrkja, nemleg daa Frederik I 1. januar 1533 utnemnde Amund Olavsson, kanik i Bergen, til biskop paa Færøyane<sup>47</sup>. - Den norske kyrkja hadde daa paa fleire aar, sidan 1527, ikkje høvt samband med Rom.

Men paa same tid var det fullt klaart, at kongen no ikkje lenger vilde gjera noko for aa halda uppe den gamle kyrkja i Noreg. Her likesom i Danmark rekna han den evangeliske læra for normen i kyrkja, - ikkje berre for dei frie kongelege predikantane, men i kloster og i kyrkior. Som verdslege forstandarar for Reins og Tautra vart fru Inger og hr. Nils Lykke i 1532 forplikta til aa uppehalda kristeleg gudstenesta i klostri "um Guds ords rene udleggelse og forkyndelse"<sup>48</sup>.

Og biskop Amund paa Færøyanne vart utnemnd "paa det Guds ord og hellige Evangelium maa dess ydermere fange fremgang og kjæriligen prædikes og læres udi alle kirker paa samme land"<sup>49</sup>.

Noter til kap.VII,5.

1. nemnt i Malmøberetningen 1530, s.59.
2. D.Mag. 4.VI,40.
3. KLN III,716.
4. Rørdam, Skrifter fra Ref.tiden nr.1,1885.
5. utg. av L.Schmitt, Quaracchi 1902.
6. utg. av F.J.West 1917.
7. DRH III 1,317.
8. DRH III 1,318
9. KLN IV, s.15.
10. NDMag. VI,322. DMag. VI,343.1531.
11. NMag I,551.
12. N.Saml. II,312. I,4. N.Mag. I,589.
13. DN VIII nr.642, 13/2 1531.
14. NDMag. VI,342-3.
15. NRR I,22-3.
16. NH III 2,348.
17. NH III 2, 352f.
18. DN VIII nr.662.
19. DN IX nr.690.
- 19a.O.K., N.B.S.,s.9.
20. Allen,Aktst.I, s.392,note.
21. DBL IX,130.
22. DN XV nr.456.461.462.466.479.
23. DN XV nr.486, 3/7 1532. jfr. G.Heise,Chr.II i Norge,s.148-9,11/7.
24. Jfr. Heise 78. NH III 2,557.
25. NH III 2,361.
26. NH III 2,352.362.
27. ib. s.353.361.
- 27a.NH III 2,s.361.
28. ib. s.362.
29. DN XII 496, 27/3 1532.
30. Lange 2 422.
31. DN XV s.571.
32. DN VIII 686. IX 709, jfr. XV,570. NRR I,37.
33. NB.klaga over abbet Mattis i Tautra: han kalla munkane for "Lutherianer, tjuver, kjettere ok Guds forrædere, ok de gjøre honom det samme igjen". D:N XI.580.



34. NRR I,34.
35. NRR I,38. 1.aug.1532.
36. NRR I,38. 5.aug.1532.
37. NRR I,38, 3/8 1532.
38. Thiset, D.Ad.Sig.16.17.Ah. NRR I,39, 10/8 1532.
39. NRR I, 36-7. 1532.
40. DN IX nr.728.
41. DN VIII nr.707.
42. Allehelgenskyrkja i Bergen. St.Peters kyrkja paa Saurbø i Ryfylke.
43. NRR I,8.32,10,17,22 jfr.4,22.
44. NRR I,6; N.D.Mag. VI,322; DN VIII 707; NRR I,22-23.
45. DN X 663.
46. NRR I,19.22.
47. NRR I,41.
48. NRR I,35.
49. ib. 41.

## 6. Atterreising og ny strid. 1533-1536.

Kong Frederik I's død 10. april 1533 løyste opp for den kyrkjelege spaning som hadde samla seg baade i Danmark og i Noreg gjennom hans tiaarige regjering. Kongen hadde hevda prinsipiell fridom for den evangeliske kristendomen, og han hadde steg for steg gjennomført lovfesta jamstelling millom den og den gamle kyrkja. Dette hadde ikkje kunna gaa fyre seg utan aa bryta sambandet med Rom og kring skjera den hevdvunne eineretten og fridomen aat den katolske kyrkja og leggja det kyrkjelege styre under verdsleg makt. Utviklingi hadde bore i den leid aa gjera den gamle kyrkja bundi til kongedømet og aa gjeva den evangeliske rørsle voksterfridom under folkestyre og kongeleg vern.

Kongeskiftet reiste difor spursmaal av den største rekkevidd, og den kampen som no var ventande, og som kom med ofse, tyktest ljota verta den avgjerande striden. Dei kyrkjelege spursmaali stod like mykje i framgrunnen som dei politiske, men partistoda var alt anna enn kllaar, av di spursmaali var fløkt inn i kvarandre etter skiftande interessemotsetnader - millom religionsflokkar, samfundsstender, politiske leidarar, og kongsemne, millom Danmark og Noreg, millom heimland og grannemakter.

Klaaraast stod maalet for den kyrkjelege kamp, - baade paa katolsk og paa evangelisk sida galdt det "to be or not to be". - Den gamle kyrkja vilde atterreisa den sokkne bispemakt, attervinna dei tapte rettane og eigedomane, stansa den lutherske rørsle og hindra nye inn-grep i den privilegerte stillingi aat kyrkja. - Dei evangeliske ynskte fyrst og fremst aa verja og halda fast ved den fridomen som var vunnen for den reine Guds ords forkyning, men dinæst aa avtaka messetenesta og katolsk skikk og tru overalt i landet, og arbeida fram ei heilt ny kyrkjeordning paa reformatorisk grunn til aa avløysa den gamle hier-arkiske skipnaden.

I Danmark hadde det evangeliske partiet vakse seg megtigt, - det hadde overhand i kjøpstaderne, der ei rekkja evangeliske kyrkjelydar var organisert, og millom sine tilhengjarar rekna det leidande medlemmer av riksrådet. Episkopatet var delt, - avdi dei kongeleg utnemnde var forplikta paa aa lata evangeliet faa raaderom (og tildels beint fram hjelpte og forsvara dei evangeliske - som Knud Gyldenstjerne i Odense). Den katolske kyrkja, som hadde bønderne og storparten av adelen paa si sida, hadde likevel framleides ei sterk stoda.

I Noreg, der makti aat episkopatet ikkje var undergravi slik som i Danmark, og der den evangeliske rørsle enno hadde vunne berre liten og lokal framgang, kunde det ikkje vera tvil um styrketilhøvet millom dei tvo religionsparti.

I baare rike vakna straks tanken um aa atterreisa det gamle regime (og gjera um handfestingsbroti aat Frederik I innan det vart valt ny konge. Og erkebiskop Olav i Nidaros mottok kraftige oppmaningar fraa ~~fraa~~ dei aust-danske riksraadane um aa reformera i Noreg i denne millomtidi) og finna raad til aa bøta dei "brøst som med kirker og kloster skeet er", og "med de Luthers prester eller andet galent væsen"<sup>1</sup>.

Sumaren 1533 vart det halde ein dansk herredag i Kjøbenhavn. Nordmennerne var ikkje til stades. Herredagen vedtok ein kraftig kyrkjeleg restaurasjon. Recessen av 3. juli slo fast, at alle kyrkjer og alt kyrkjegods som var kome i hendene paa protestantane, skulde gjevast attende til den katolske kyrkja (Viborg domkyrkja, Heilagandeklosteret i Aalborg m.m.). Biskopane skulde faa att sin fulle jurisdiksjon og prestekallsrett. Dei kongelege vernebrev for evangeliske predikantar og ordinansen fraa 1530 var dermed maktlause. Men det lukkast ikkje aa gjennomføra dei kyrkjelege krav fullt ut; og recessen talar i tve-tydige ordlag um "at opholde messer og gudstjeneste efter kristelig skikk" (istadenfor: "efter den gamle gode skikk, som hidtil har været i kristendommen"), og han let framleides "det hellige evangelium" vera normen for nasjonalkyrkja<sup>2</sup>. Det evangeliske parti i riksraadet nekta aa vedtaka recessen, og tvo av dei kongevalde biskopane, Joakim Rønnow i Roskilde og Knud Gyldenstjerne i Odense, fylgde deira fyredøme.

Kyrkjeleg rettsforfylgjing mot lutheranarne tok straks til i Kjøbenhavn og i Skaane, og Hans Tausen vart dømt som kjættar av riksraadet. Men reaksjonen vart møtt med kraftig motstand fraa borgarar og raad i byane.

I Noreg vekte det gleda, at kyrkja i Danmark reiste seg til motverja imot lutheriet. Biskop Hans Rev i Oslo hugnast ved aa kunna melda til erkebiskop Olav um restaurasjonsvedtaket i Kjøbenhavn, og at Hans Tausen "blev dømt til en kjetter, løgnere, tjuv og skalk" og til aa "fare ut av landet med sin nunne"<sup>3</sup>.

Dei norske kyrkjemennerne hadde med sorg set paa korleis ogso i Noreg tiderne skifte, og vyrdnaden for god gamall heilag sed og tru vart undergraven. Daa biskop Ogmund i Skaalholt ved desse tider atter gjesta Noreg etter 11 aars fraaver, tyktest honom mykje aa vera "umvendt" i Bjørgvin bispedøme, og "meir til det vonde enn til det gode". Høgast lyder difor klaga fraa biskop Olav i Bjørgvin<sup>4</sup>:

"Prester, munkar ok nunner (d.e. burtlaupne slike) ok alle andre bannsmenn lidis ok forsvaris. Hellige dager avleggis. Kjøt et's paa fredag, i langefasten ok andre bodne fastedager. Tienden gjøres ikke retteligen, hulkit til lands eller sjøs. Laurdagen holds maangstedes.

Utferd, kirkegang, offertoll ok annan del givs ikke retteligen ut. Messe holdes uppaa norske imot den hellige kirkes skikk ok bud. Barn blive ikke skird eller fermd, som det seg høyrer. Skriftemaal eller annen kristelige undervisning aktis intet. Skyldskav eller svaager-skav skøytes intet (ved ekteskap). Lagnenn ok andre leikmenn dømme over kirkennis maalemne"<sup>5</sup>.

Med andre ord: Dei kyrkjelege fyresegner um helgedagar, faste, og ekteskapshindringar vert vanvyrde, - folk dreg seg undan tiende og avgifter til kyrkja, dei aktar ikkje det kyrkjelege bann og vyrder ikkje lenger den kyrkjelege domsretten. Det kyrkjelege sjælesyrgjar-arbeidet vert faafengt avdi folk forsømer daap og konfirmasjon, skrifte maal og undervisning, og den dyraste av alle naadeskattar kyrkja eig, den heilage massa, vert skipla ved at kyrkjemaalet vert umbytt med folkemaalet.

Paa denne tid var kvart tridje kloster i Noreg lagt under verdsleg makt: Nonnester i Bjørgvin<sup>6</sup>, Preikebroderklosteret i Bjørgvin<sup>7</sup>, Gimsøy<sup>8</sup>, Dragsmark<sup>9</sup>, Kastellekloster ved Konghella<sup>10</sup>, Hovudøy<sup>11</sup>, Olavsklosteret i Tunsberg<sup>12</sup>, Verne<sup>13</sup>, Rein<sup>14</sup>, Tautra<sup>15</sup>. Og um Utstein<sup>16</sup> stod der kamp millom Stavangerbiskopen og hr. Vincents Lunge.

Um der ikkje no vart sagt ifraa, maatte ein ottast, at det gjekk same vegen med dei andre.<sup>17</sup>

Munkliv i Bjørgvin<sup>18</sup> hadde maatt takast til bispesæte, av di domkyrkja<sup>19</sup> og bispegarden<sup>20</sup> var nedbrotne, Apostelkyrkja i Bjørgvin likeeins<sup>21</sup>, Mariakyrkja i Oslo<sup>22</sup> var mest øyde. Klostergodset<sup>23</sup> var i faare, men ein kunde heller ikkje vera trygg for eigedomane<sup>24</sup> og inntekterne<sup>25</sup> aat kyrkja, serleg ikkje dei som høyrde katedralkyrkjerne<sup>26</sup> til, og for dei store kyrkjelege embete kunde ein venta noko av kvart, naar ein saag lagnaden aat dei fordrivne biskopane<sup>27</sup> i grannelandi. Ikkje eingong kyrkjefreden<sup>28</sup> og pilgrimsfreden<sup>29</sup> var vyrd som fyrr.

Med alt dette i tankar samlast dei norske kyrkjemennerne i august 1533 til det riksmøtet som erkebiskopen innkalla til Bud i Romsdalen til aa dryfta framtidi aat Noregs rike og kyrkja. Erkebiskopen og alle biskopane møtte, so nær som biskop Olav i Bjørgvin.

Riksmøtet skulde avgjera dei politiske spursmaali ved kongeskiftet, men i fyrste rekkja stod ogso dei kyrkjelege-"Luthers regiment"<sup>30</sup> og "den katolske tru"<sup>31</sup>, overgrepi fraa dei verdslege makthavarane og den gamle kyrkjefridomen<sup>32</sup>, var motsetnader som kravde avgjersla.

Med den danske katolske reformats fraa Kjøbenhavn til fyrebilæte vekte biskop Hans Rev i Oslo kravet um ei atterreising av den kyrkjelege orden i Noreg: "I tage eder alvarlige fore at gjøre en skikk ok ordinats ok opretning paa alt misbrug, som nu er begyndt ok bruget

her i riget nogre aar, ok foreskriver ok bjuder den at holdes fastelig over alt riget, som de gode herrer have gjort i Danmark, ok saa tenker til, her kan gjøres en rettsindig ok kristelige reformats paa bisper, prelater, klostermenn, klosterjomfruer, ~~prelater og~~ ~~prester~~ prester og klerker, geistlig ok verdslig, saa at kjerlighed, endrektighed, fred ok velferd kan vere her i riget"<sup>33</sup>.

Biskop Hans vilde soleis motarbeida det kyrkjelege misbruk og røre, ved ein reformats av kyrkja fraa øvst til nedst. Paa same maaten uttala biskop Olav i Bjørgvin ynskjet um, "at den helge kirkes skikke maatte komme til sin rette kristne manering, som hon av gamel tid vorit haver"<sup>34</sup>.

Me kjenner ikkje til dei einskilde bøtingsframlegg<sup>35</sup> som kann ha vore gjorde, me veit lite um forhandlingane paa møtet. Men eit par punkt er nemnde: Katedralskulane, - som kann henda var i tilbakegang - maatte fornyast ved alle domkyrkjor<sup>36</sup>. Og cølibatet var paa tale, for erkebiskopen peika paa det misbruk, at "vi (d.e. presteskapet) føder fylgjekonor og deira uekte avkom, og mange av deim er daalege menneskje"<sup>37</sup>.

Men den største hindring for ein kyrkjeleg restaurasjon var visseleg stoda aat dei leidande verdslege hovdingane av framand ætt. Det var klaart, at um hr. Vincents Lunge studde det nye, var det vandt aa retta det gamle<sup>38</sup>. At møtet skildest utan noko vedtak i dei kyrkjelege spursmaal, tyder paa, at motsetnaderne var sterke, og at kyrkja ikkje hadde makt eller mod til aa driva ein katolsk restaurasjon igjenom, i alle fall ikkje paa dette tidspunkt.

Kongevalet stod no for døri. Til det var det knytt vitale interessor for kyrkja. Den religiøse stoda aat kongen i desse brytningstider var av avgjerande vekt.

Av Frederik I's søner var ingen hylla som tronfylgjar. Prælatpartiet i Danmark ottast i høgaste mun for den eldste, den 30-aarige Christian, som var avgjort lutheranar og dertil kav tysk. I fleire aar hadde det vore planar aa gjera hans halvbror Hans til tronfylgjar. Han var no 12 aar gamall, og var sidan 1529 oppföstra i Danmark<sup>39</sup>; i 1532 var han overgjeven til ein av dei beste millom dei katolske hovdingane, Oluf Rosenkrans paa Nyborg paa Fyn<sup>40</sup>. Det var von um, at Hans, som enndaa var barnet, kunde paaverkast i katolsk leid. Til lærar fekk han um hausten 1531 ein gaaverik ung nordmann, Torbjørn Olavsson Bratt<sup>41</sup>, - av ei nordnorsk smaaadelsætt; han hadde studert ved det katolske universitetet i Köln (innskriven 1527) og var i 1530 som magister knytt til Kjøpenhamns universitet.

Mester Torbjørns religiøse standpunkt i denne tid er ukjent; det var fyrst og fremst humanistiske og litterære studiar som opptok

han<sup>42</sup>; det er ikkje noko som tyder paa at han - som sidan vart den fyrste lutherske superintendent i Nidaros, daa hadde brote med den katolske kyrkja. Men han var ein god nordmann: det loga av harme i honom, naar han tenkte paa dei adelege holsteinske levemennerne, som gjorde seg rike av Noregs skattar, og i eit brev han skreiv til sin faderlege ven erkebiskop Olav fraa Nyborg under uvissa um kongevalet, kort etter kong Frederiks død, brenn det ei varm fedrelandskjensla.

Danskane kunne ikkje einast um kongevalet paa herredagen i Kjøpenhamn sumaren 1533. Det katolske partiet dreiv igjenom, at valet vart utsett til jonsok 1534, so nordmennerne kunde vera med - det var von, at dei skulde leggja si avgjerande røyst til fyremun for Hans. Men daa det stunda til den fastsette tidfor valet, vart den fangne kong Christiern II's sak paa nytt reist ved eit samspel fraa fleire leider: der var det demokratiske lutherske Lübeck, under den kaldkloke politikaren borgmeister Jurgen Wullenwewer, som vilde reisa borgarar og bønder i Norden imot hovdingane og kyrkja, for aa realisera Lübecks eigne stormaktsplanar; - der var den katolske hertog Albrecht av Mecklenburg, som var gift med systerdotter av kong Christiern og vart lokka av Lübeck med voni um ei nordisk kongekruna; - der var det undertrykte evangeliske parti i Sjælland og Skaane, som harmast over at kongevalet var utsett; - og der var den humanistiske lutherske eventyr-krigaren greiv Christoffer av Oldenburg, ein tremennig av Christiern II, han vart førar for herferdi, og etter honom fekk den triaarige striden um kongedømet i Danmark namnet "grevens feide". Um sumaren 1534 gjorde greiv Christoffer paa Christierns vegner seg til herre over Sjælland og Skaane, som hylla kong Christiern, og dei lutherske predikantane fekk atter full fridom.

Dei jyske og fynske herrane samla seg, under Mogens Gjø's førarskap, i Horsens 18. august 1534, og hylla hertog Christian. Han lova aa utferdja same handfesting som sin far Frederik I, og tilsa kyrkja aa halda uppe status quo med unsyn paa kyrkjego<sup>d</sup> og gudstenesta, inntil han fekk riket i si makt. Daa vilde han, saman med riksråd og adel, "faa gjort derom en christelig god skikkelse i alle maader"<sup>43</sup>. I denne tid skulde ingen trengjast ifraa den gamle tru og ingen hindrast i den nye, men "hver skikke sig udi troen, som han selv vil andsvare for Gud".

Det sams norske og danske kongevalet var soleis forpurra, og nordmennerne hadde ikkje anna aa gjera enn aa skrida til lovlegt kongeval paa eigi hand. Men under den kampen som no fylgde millom dei tvo tronkrevjarane i Danmark, var Noreg som millom tvo eldar, under paa-verknad fraa baae partar, og meiningane i det norske riksrådet kløyvde seg. Tanken um aa velja den unge prins Hans til konge i

Noreg og Christian i Danmark var avløyst dels av ei veksande stemning for Christians val i Noreg, dels av ein noko uviss og ventande neutralitet; nokon sympati for Christiern II var ikkje aa merka i Noreg, serleg av di maktplanane aat Lübeck skramte.

Den gamle motsetnaden millom Vincents Lunge og erkebiskop Olav braut no upp att og fekk ein uheldig verknað paa kongeval-politikken. I det sunnanfjellske riksråadet, der det danske elementet var i fleirtal, var Vincents Lunge i denne tid (1535) den leidande mann. Han hadde fraa fyrste stund slutta seg til Christian III. Baade gjenom danske utsendingar og sidan gjenom brev (15.februar 1535) oppmana Christian III sunnanfjellsråadet til aa taka han til konge; han lova aa halda Noregs lov og "gamle kristelige sedvaner"<sup>44</sup>. Det lukkast Vincents Lunge aa faa sunnanfjellsråadet til aa halda serskilt kongeval; dei valde Christian III, 13.mai 1535<sup>45</sup>. Erkebiskop Olav hadde hittil halde seg fri og ubunden i kongevalet; han innkalla ein sams norsk kongevalherredag i Trondheim (23.mai 1534 5?). Men Vincents Lunge hindra at dette møtet kom i stand, og saadde ut uvilje og mistillit mot erkebiskopen<sup>46</sup>.

Eit av dei midlane, som Vincents Lunge nytta til aa skapa misstemning mot erkebiskopen, var ei vidgjæti "kjætter"-sak som daa var uppe i Austraa-ætti. I 1532 var hr. Nils Lykke blitt enkjemann og vilde no taka til ekte jomfru Lucie, syster til den avlidne fruva si. Det kom so vidt, at ho fekk eit barn med hr. Nils. Han la difor all makt paa aa faa sambandet legitimert ved ekteskap. Saki førte stor skam over ætti, som var den beste i Noreg. Men giftarmaalet streid imot kyrkjelovi: eit samband millom ektemann og syster til hans avlidne husfruva var blodskam - eller, som det daa kallast, kjætter - , eit kristenrettsbrot, som gjorde baae partar fredlause<sup>47</sup>.

Erkebiskopen, som hittil hadde samarbeidt med hr. Nils Lykke i kongevalsaki, viste seg overberande med dei tvo elskande og greip ikkje snøgt og fast inn<sup>48</sup>. Hr. Vincents Lunge fann han burde spela vernar ikkje berre for æra aat ætti, men ogso for kyrkja og dygdi, - likesovel som han kunde gjera det for fedrelandet naar det høvde. Han drog saki inn i kongevalpolitikken og egja sunnanfjellsriksråadet upp imot erkebiskopen slik at den sams valherredagen i Trondheim (24.juni) for andre gong vart forpurra<sup>49</sup>. Men samstundes freista han aa velja Christiern III til norsk konge, og skydde tilslutt ikkje det middel aa fylls kong Christian med hat og mistru til erkebiskopen, for sjølv aa vinna tillit hja kongen og soleis svinga seg upp til den høgaste makti i Noreg.

I Danmark gjekk tronstriden paa det hardaste og stunda til avgjersla: Folkereisingi mot herreveldet hadde fyrst havt framgang og breidt seg

til baade Fyn og Nord-Jylland. Men Christian III hadde havt krigslukka med seg. Han tvang Lübeck til aa slutta serfred med hertogdømi (18.november 1534), dei jyske bønderne vart overvunne (18. desember 1534), og svenskane slo greiveheren i Skaane (13.januar 1535). Christian vart paa nytt hylla paa Viborg ting (8.mars 1535); der godkjente alle biskopane i Danmark honom som konge<sup>50</sup>. Um sumaren vart greiveheren avgjerande slegen paa Fyn (11.juni), og Lübecks makt til sjøs vart knekt (16.juni). Christian gjorde landgang paa Sjælland, og i august 1535 vart han hylla til konge baade paa Sjælland og i Skaane. No var det berre Kjøbenhavn og Malmö som enno gjorde motstand.

Daa gav erkebiskop Olav seg, visseleg med blødande hjarta, og kunngjorde baade for det danske riksrådet (8.sept.1535)<sup>51</sup>, og for det norske sunnanfjellsrådet (10.sept.)<sup>52</sup>, at han samtykte og fullbyrda valet av kong Christian og vilde overgjeva Noregs rike til honom.

Av dei andre leidande mennerne i den norske kyrkja hadde biskop Hans Rev i Oslo teke del i kogevalet som medlem av sunnanfjellsrådet, likeeins biskop Mogens av Hamar<sup>53</sup>. Biskop Olav i Bergen var død (30.mai 1535); til hans ettermann vilde erkebiskopen ha erkedeknen i Bergen, nordmannen mester Geble Pedersson, som var "en fin, lærd, ærlig mann". Men sunnanfjellsrådet torde ikkje taka han, for der var "ganske og aldeles intet mandeligt hjerte eller raad i hannen, som riget eller vi kunne have nogen hjælp, trøst, bistand og styrkelse av, som nu allerhøist og mest av nøden er", - m.a.o. han kunde ikkje veljast til biskop av di han dugde ikkje til politkar. Sunnanfjellsrådet vilde hava den danske provsten i Oslo, Noregs rikes kanslar, mester Morten Krabbe. Erkebiskopen gjekk med paa det, og Morten Krabbe fekk um hausten 1535 samtykke paa Bergens bispedøme av kong Christian<sup>54</sup>. Den einaste av Noregs biskopar, som paa denne tid ikkje hadde hylla Christian, var Hoskold i Stavanger<sup>55</sup>.

Kong Christian var i stor pengenaud for krigen skuld. I Danmark skreiv han overalø ut ein stor sylvskatt, baade av borgarar, bønder og kyrkja. Klostri vart taksert til høge summer, alle kyrkjer og prestar maatte gjeva eit aars halve inntekt i sylv, og med undantak av ein kalk og disk til kvar soknekyrkja maatte alt kyrkjsylv utleverast<sup>56</sup>. Um hausten 1535 laante Christian ein stor sum pengar av Gustav Vasa og dette norske len i pant til svenskekongen (20.okt. 1535). Den danske lensherren paa Baahus, hr. Klaus Bille, vart sendt til Noreg for aa faa kongevalet i endeleg orden og skaffa pengar ved utskrivning av ein liknande sylvskatt som i Danmark<sup>57</sup>.

Han Rev og Morten Krabbe, som var ukjende med Vincents Lunges skammelege ferd imot erkebiskopen<sup>58</sup>, mekla fred millom deim og talde



erkebiskopen til aa syna hr. Vincents tillit. I jולי 1535 samlast fleire av sunnanfjellsraadet - Vincents Lunge, Klaus Bille, biskop Hans Rev i Oslo, biskop Mogens i Hamar - i Nidaros hjaa erkebiskopen til endelegt formelt kongeval og sketteutskrivning.

Men ein maanads tid fyre dette møtet hadde erkebiskopen fenge meldingar utanlandsfraa, som vekte til nytt liv ei von han lenge hadde spæja etter. Denne von tyktest honom no nær og gav hans politikk eit verkelegt maal, men ogsa ei vending som førte honom og den gamle kyrkja til undergangen.

I 1534 var det hos Habsburgarane kome upp ein plan um giftarmaal millom Christiern II's unge dotter Dorothea og den 51aarige pfalzgreiven Friedrich; pfalzgreiven hadde gjort seg høgt fortent som keisar leg herførerar serleg imot tyrkarane, og skulde no hava ei høveleg løn. Til dette giftarmaalet gav keisaren sitt samtykke i Spania um vaaren 1535, trulovingi stod i Brüssel 18.mai og brudlaupet i Heidelberg i september<sup>59</sup>. Med hjelpi aat keisaren og andre var det tanken, at Friedrich skulde vinna tilbake kronorne ~~xxx~~ aat verfar sin.

Um dette gjekk det motstridande rykte i Noreg um sumaren og hausten 1535<sup>60</sup>. Kor mykje kjennskap erkebiskopen hadde til saki paa ~~den~~ denne tid, er uvisst. Men det er ikkje aa tvila paa, at han hørde um desse meldingane med spaning. Ved keisarahovet var den norske erkebiskopen kjend som gamall tilhengjar av Christiern II, og um vaaren 1535 sendte keisar Karl V brev og bod<sup>61</sup> fraa Barcelona til Nidaros for aa arbeida for valet av pfalzgreiven til konge; brevet vart bore fram av sendemenn som var utskikka av Maria regentinna i Nederland, syster aat keisaren og Christiern II's dronning Elisabeth; det var biskop Georg av Brixen og ein nederlandsk adelsmann<sup>62</sup>. Det er likt til at erkebiskopen lova direkte eller indirekte aa stydja pfalzgreiven, og 26.august 1535 vendte denne seg til erkebiskopen, i brev fraa Heidelberg, med spurnad um den beste maaten aa gjennomføra planen paa<sup>63</sup>. Alt i april same aaret hadde greiv Christoffer av Oldenburg lova keisaren og Christiern II og frøken Dorothea den delen av Danmarks rike, som han daa raadde for<sup>64</sup>. Daa keisar Karl i november kom til Neapel fraa herferd i Afrika, møtte honom den tiende fraa pfalzgreiven um denne tilslutning, baade fraa Danmark og fraa Noreg<sup>65</sup>.

Brevi fraa pfalzgreiven og keisaren sette mod i erkebiskop Olav; samstundes fekk han gode meldingar fraa Nederland, fraa Nidaroskaniken meister Henrik Nilsson av Austraat-ætti; det heitte, at pfalzgreiven kunde venta seg studnad fraa mange leider, fraa hansabyarne, hertog Albrecht av Mecklenburg, greiv Christoffer av Oldenburg, og sønerne av den nyst avlidne kurfyrsten Joakom av Brandenburg<sup>66</sup>. Til vidare

var erkebiskopen varsam og heldt desse meldingane løynt: "Thi kann ikke meire vare forventendis ennu. Homo proponit, deus antem disponit".

Ved nyaarstid 1536 samlast eit norsk riksråadmøte i Trondheim. Erkebiskopen var med<sup>67</sup>. Det var paa tale, at vedtaki - um kongeval og skatt - skulde kunngjerast paa eit bymøte 3. januar. Men erkebiskopen hadde andre planar, og desse var no mogne. Til den dagen samla han i erkebispegarden eit møte av bønder fraa Trøndelag, kanikar, raadmenn og borgarar fraa byan, og her førde han fram full opplysning um den politiske situasjonen: dei sunnanfjellske riksråadane kravde kongeval straks og vilde med det same skriva ut skattar, men erkebiskopen hadde fenge brev fraa keisaren og pfalzgreiven, som til vaaren vilde koma med stor makt og taka baade Noreg og Danmark. Erkebiskopen kunngjorde daa, at han hadde avgjort med seg aa fengsla dei sunnanfjellske riksråadane. I det var heile møtet einig. Og vidare vilde heller ikkje den vislege delen av forsamlingi gaa. Men der var ein flokk eldhuga katolikar og nasjonalistar som kravde, at dei mest forhatte av dei danske hovdingane skulde drepast - fyrst hr. Vincents Lunge, dinøst rikskanslaren Morten Krabbe og hovudsmennene paa Akershus og Tunsbergshus, Erik Gyllenstjerne og Erik Ugerup. Førar for denne flokken var systerson og kanslaren aat erkebiskopen, Gaute Taraldsson, som hadde studert ved det katolske universitetet i Köln. Flokken egde forsamlingi upp, og kalla alle som vilde spara Vincents Lunges liv, for "forrædarar". Ogso erkebiskopen gav etter, og møtet vedtok aa straffa dei nemnde fire danskfødde riksråadane paa livet, og aa fengsla dei andre medlemmerne av sunnanfjellsråadet, biskopane Hans Rev i Oslo og Mogens av Hamar og hovudsmannen paa Baahus dansken Klaus Bille. Vincents Lunges gamle ovundsmann Christoffer Trondsson Rustung, ein frende av erkebiskopen og den fornemste av hane sveinar, var med i møtet og sette vedtaket i verk. Det er sagt, at erkebiskopen i siste augneblinken gav atterbod, men daa var det for seint. Med eit rasande fylgji storma Christoffer inn i herbyrget aat Vincents Lunge og Hans Rev og Klaus Bille, og Vincents Lunge vart drepent paa flekken. Dei andre tvo overgav seg paa æresord og vart ført som fangar til Tautra, - likeeñs Esge Bille, hovudsmann paa Bergenshus, som kom til Nidaros snart etter. - Ogso Nils Lykke var no ute av spelet; sunnanfjellsråadet, der Vincents Lunge dominerte, hadde sumaren 1535 dømt han med liv og gods i krona si vald; daa erkebiskopen paa den tid representerte Noregs krona, vart Nils Lykke sett i fengsel paa Steinviksholm; der let han sitt liv um jolekvelden 1535; eit rykte sa, at erkebiskopen let han røykja ihel.

Hendingi i Trondheim den 3. januar 1536 var innleidingi til Noregs siste reisning imot danskeveldet. Trøderane var harme over den sunnan-

fjellske kongevalpolitikken, og over den urettferdige skatten som vart utskreven fyre konge valet var endeleg ordna, og som skulde koma eit anna rike til gode, difor vendte dei seg imot dei leidande danske hovdingane og kyrkjemennerne og tok saki i si eiga hand. Erkebiskopen stelte seg som leidar av opprøret mot Christian III, og sendte sine folk ut for aa tinga aalmugen sunnanfjells og vestanfjells til Christiern II og pfalzgreiven, som han venta til Noreg um vaaren. Folkestemmingi vendte seg straks ifraa Christian III, og danskane i Noreg tok til aa kjenna seg paa utrygg grunn<sup>68</sup>.

Erkebiskopen sendte herfolk ut for aa taka dei faste borgerne. Men freistnaden mislukkast. Einar Tjeld vart slegen attende fraa Akershus av Erik Gyldenstjerne. Christoffer Trondsson Rustung og Gaute Taraldson skulde taka Bergenhus; men Tord Rod, som var hovudsmann der i Esge Billes fraaver, brente Munkliv kloster, som var bispesäte, og braut det ned, for aa hindra at erkebiskopen sette seg fast der. Christoffer Rustung byrja underhandlingar istadenfor ufred, men vart med svik fangen.

Og pfalzgreiv Friedrich kom ikkje. For erkebiskop Olav var dermed slaget tapt. Han slepte fangane sine ut or Tautra kloster og lova deim (6.april 1536)<sup>69</sup>, at um dei kunde skaffa honom og tilhengjarane hans amnesti av Christian III, vilde han tiltfda valet av Christian til Noregs konge og innkalla ein norsk valriksdag til aa fullbyrda valet<sup>70</sup>. Fyresetnaden var, at kongen vilde gjeva ei handfesting like eins som Frederik I "paa Norges kronis privilegier, friheder og gode gamle kristelige sedvaner".

I juni 1536 hylla Vestlandet Christian III som norsk konge. I hyllingi deltok ogso dei vestlandske kyrkjemennerne - biskop Hoskold av Stavanger, mester Geble Pedersson, erkedekn i Bjørgvin og "stigtens formynder" (paa vegner av den utvalde biskopen Morten Krabbe), domkapitlet i Bergen, og abbetane i Lyse og Halsna<sup>71</sup>.

Det norske valriksmøtet vart fastsett til Bergen 29.juli 1536, og Christian III lova aa senda sine representantar til møtet.

Men herredagen kom aldri i stand. Det var hendingane i Danmark same sumaren, som vart avgjerande baade for Noregs rike og for den gamle norske kyrkja.

I februar hadde Christian III gjort fred med Lübeck, og i april overgav Malmö seg, - berre Kjøpenhamn heldt seg heltemodig i paavente av den hjelp, som no ogso verkeleg vart lova fraa keisaren og pfalzgreiven. Men der kom hinder i vegen, og daa hungersnaudi i hovudstaden hadde naatt ei høgð, som er næstan utan sidestykke i Europas historie, overgav byen seg, 28.juli 1536, - og Christian III var herre over alt Danmark.

Daa alle medlemmer av det norske riksrådet hadde hylla Christian III

- ogso erkebiskop Olav hadde, for 2dre gong, lova aa gjera det paa vilkaar - var han ogso konge i Noreg.

Noter til kap.VII,6.

1. D.N. VIII s.752.755. (N.H. III 2, s.368.369).
2. KLN III, 717.
3. D.N. X s.666.
4. D.1<sup>2</sup> IX 570 (Hatteberg i Kvinnherad 18.jan. 1534).
5. DN X 674.
6. DN X 672.673.674.
7. DN X 672.673.674.
8. DN X 667.673.
9. DN X 673.
10. DN X 671.674.
11. DN X 667.673.
12. DN X 667.
13. DN X 667.
14. DN X 674.
15. DN X 674.
16. DN X 673.
17. DN X 672.673.
18. DN X 672.674.
19. DN X 672.674.
20. DN X 672.
21. DN X 672.673.674.
22. DN X 672.673.674.
23. DN X 672.
24. DN X 672.
25. DN X 673.
26. DN X 673.
27. DN X 672.
28. DN X 671.
29. DN X 674.
30. DN X 672.
31. DN X 673.
32. DN X 674.
33. DN X 666.667.
34. DN X 664.
35. N.B. Hans Revs framlegg um klosterre<sup>s</sup>taurasjon i Oslo bispedøme  
DN X 667.
36. DN X nr. 671.674.
37. DN X nr. 672.

38. DN X nr. 666 (H:Reff.).
39. jfr. DN VII s.621.
40. DBL XIV, 284-5.
41. Kh.Saml. 3.I,505.
42. Kh.Saml. 3.I,503-23.
43. Aarsb. Geh. Arch. II,81f.
44. Paludan-Müller, Aktstykker til Nord.Kist. i Grevef. Tid. II,s.59.
45. ib. II,84-86 = DN XV nr.506.
46. NH III 2,382.
47. Jons krr. k.49.
48. jfr. DN XI 621.
49. DN XIII 614.
50. Helveg II 2, s.1000.
51. DN XVI s.578-82.
52. Paludan-Müller II,136-7. = DN XII 555.
53. jfr. DN XV 513, 21/9 1535.
54. DN XVII B, s.236.
55. DN XII s.699f.
56. DRH III,363.373.
57. DN XV 515.
58. NH III 2,388. DN XIII s.698f.
59. ~~DN XIII nr.698f~~ Pal.-M. Grev.f. II, 100f.
60. DN XIII nr.615, 13/7 35. H.Reff.  
DN VIII nr.732, 2/9 35. H.Reff.  
DN XII nr.683, 15/11 35. Jens Olsson.
61. Huitfeldt fol. II,1471-2.
62. ib. II,1470.
63. ib. II,1472-3.
64. Pal.M. Grevens f. II,123f.
65. ib. II,307.
66. DN XII nr.561.
67. Chra. Vid. Selsk. Forh. 1915 No.2.
68. DN XVI nr.584.585.
69. jfr. DMag VI, 15.
70. Pal.M.Aktst. II nr.109.
71. ib. II,122.

Kap. VIII. Kyrkje-reformasjonen innført i Danmark og Noreg.

1. Det biskopelege regimete vert avteke: i Danmark 1536, i Noreg 1537.

Den neutrale stilling i kyrkjespursmaalet, som Christian III hadde bunde seg til ved si hylling i Horsens 1534, var under krigen gaatt over til ei uforduld reformasjonsvenleg framferd. Daa Malmø<sup>1</sup> og Kjøpenham<sup>2</sup> overgav seg, trygde kongen desse byane rett til aa bliva ved Guds ord og heilage evangelium, og tilstod deim fullmakt til aa kalla evangeliske predikantar. Paa same tid vart prestekallsretten lagt under kongens stadfesting<sup>3</sup>

(ark 1483-1546 mangler. Istedet er innført ark 1-9, begynnelsen av et foredrag som Kolsrud holdt om Det evangeliske tilsynsembete me fekk ved reformasjonen ved Norges Lutherlags 5te hovedmøte i Oslo onsdag 27. oktober 1937 kl. 10.30 ved bispemøtet i Oslo torsdag 28. oktober 1937 kl. 11. Resten av foredraget besto av arkene 1565-1607)

Daa Frederik I vart teken til konge, i Danmark 1523, i Noreg 1524, lova han høgtidleg, at han aldri vilde tilsteda "Luthers discipler" aa preika eller læra imot den heilage kyrkja og hennar tru<sup>1</sup>. Denne lovnaden heldt kongen ikkje, men tok evangeliske under si vern, fyrst i Danmark, sidan i Noreg, og gav deim lov til aa preika og læra "Guds ord" for folket, som dei sjølv vilde "forsvare og bevise"<sup>2</sup>. I 1532 klagar difor erkebiskop Olav i Nidaros over, at burtlaupne munkar og prestar i tillit til kongens vernebrev forkynner sin falske lærdom for den einfalduge almugen, og ikkje berre det, men t dei ogso "beskri'e<sup>3</sup>ok forhaane bisper og prelater<sup>4</sup>. Me kjener ikkje nærmare til kva polemikken og kritikken imot episkopatet i Noreg gjekk ut paa. Me kann tenkja oss, at klagemaali var nokolunde dei same som i Danmark,

Under herredagen i Kjøbenhavn 1530 uttala dei evangeliske predikantane i sin "protestats" mot biskopane: "Vi have ingen anklage paa den hellige kirke, men dette er vor første og største klage paa disse gode hehher (hvilke vi dog gerne bekender for gode mend av slegt ok ære, skikkelige til at raade i verdslige sager ok handel), at de bære biskopelige navn ok ikke det bevise med rett tilbørlige enbøde ok biskopelige gerninger, efter den hellig skriftes lydelse". Biskopene preika ikkje sjølv, dei tilskikka ikkje kristelege lærde predikantar og sokneprestar, men dei tilsteda ulærde og ugudfryktige menn aa preika "fabler og menniskelige løgnaktige paafund", og vigde slike folk til sokneprestar; dei forfylgde dei, som preika evangeliet og straffa lygni, og dei let "løgnaktige bissemunke ok avlatsbrødre" fara ikring og hindra evangeliet og utsuga aalmugen; dei let halda avgudiske messor og ugudeleg song i domkyrkjerne, dei skaffa ikkje soknelydane ordentleg prestetenesta, og vilde ikkje lata folket sjølv kalla seg evangeliske tenarar; og dei forbaud prestane aa gifta seg i ekteskap<sup>5</sup>.

I ein av dei 43 artikkelane um si læra, som dei evangeliske predikantane la fram for Herredagen i Kjøbenhavn 1530, hev dei med faa og korte ord gjeve ei forklaring paa kva ein biskop bør vera og kva han ikkje bør vera (art. 36):

"Rett christne bisper eller prester (som er all ett), de ere intet andet end predikere og tjenere i Guds rene ord, hvilket dennom bør at udskifte ok forkynde for almuen, under sjels fortabelse, ok bør dennom ikke at befatte dennom med verdens handel, bram eller hovmod, ikke stride eller føre krigsfolk, ikke at være i

dom, trette eller anden slig handel, som deris embede intet tilhøre men er dette tvert imod. Dennom bør at give over enten det ene eller det andet. De kunne ikke baade staa christelige til hobe<sup>6</sup>.

Me skal ikkje her dryfta spursmaalet um kritikken av det daaverande episkopatet var rettferdig. Som so ofte i aandelege brytningstider førte dei sterke polemiske ord til overdriving og ein-sidig klander. Me vil nøgja oss med aa konstatera det historiske faktum, at kritikken av den gamle kyrkja fyrst og fremst vednte seg mot episkopatet, og at episkopatet vart set paa som den største hindring for og motstander av ein kyrkjereform i evangelisk leid.

Difor tok reformasjonen i Danmark og Noreg sitt utgangspunkt i ein reform av bispeembetet. Men politiske interesser spela ogso inn, ja fekk avgjerande vekt. Og daa reformen kom, vart han gjennomført paa ein maate som ikkje hev noko motsvarande i dei andre land, der den lutherske reformasjon fann inngang, - ikkje minst fordi kong Christian III sette militær makt bak det reformatoriske ord.

Dei dramatiske hendingane som gjekk fyre seg, hev eg skildra i mitt fyredrag ved det vitskaplege prestekursus, um aaret 1537. Alle dei katolske biskopane vart avsett, i Danmark i 1536, i Noreg i 1537, og haldas i fengsel til dei bøygde seg. Riksstyringi, som kyrkja i vaae rike hadde havt son lovlege del i, vart samla hos kongen og adelen. Ingen biskop maatte heretter hava verdsleg regjeringsmakt i riket. Men kyrkja skulde heller ikkje for framtidi faa regjera seg sjølv aaleine i ytre ting. Den utvertes kyrkjestyring var ogso langt paa veg teki fraa biskopane og overført til kongen og hans menn, samtidig som godset og inntektene aat bispeembeti vart lagt under krona, til beste for riket.

I staden skulde det tilskikkast "andre kristelige bisper ok superattendenter, som det menige folk kunde lære, undervise ok predike det hellige evangelium ok Guds ord fore, ok den hellige kristelige tro", - d.e. kyrkjelege tilsynsmenner med reint kyrkjelege oppgaaavor.

Soleis mista tilsynsembetet i kyrkja si høge privilegerte rang- og maktstilling i samfundet, men det vart og dermed frigjort fraa ei rekkja utvertes gjeremaal, i politikk og regjering, og i kyrkjeleg administrasjon og jurisdiksjon, soleis at tilsyns mennene skulde kunna konsentrera seg kring den indre aandelege verksemd i kyrkja som burde vera deira hovudoppgava.



## NOTER TIL KAP. VIII. 1. Det biskoppelege regimente vert avteke

1. 1934, 2/3 11<sup>15</sup> 12. 10 tilh. Rekapitulasjon 1934 7/9 9<sup>15</sup> 10. 9 tilh. 1940 12/3 10<sup>15</sup> -11. 7 tilh.  
Chr. II forstod ikkje dansk. Minerva 1788 III, 262. 6/4 1536.  
D. Kans. reg. 1535-50 s. 54.
  2. 28/7 1536. Khb. Dipl. I, s. 388.
  3. ib. (note 1.2).
- 
1. s. 1-9 ble også bruk i en forelesning 1940 2/4 10<sup>15</sup> -11. 6 tilh.  
Aarsb. fra Geh.ark. II, s. 71. DN VII nr. 594
  2. DN VIII nr. 603.
  3. Nedertysk: beschrien, føra vondt rykte over ein.
  4. DN VIII nr. 707
  5. Skrifter fra Reformationstiden, ved H.F. Rørdam, Nr. 4, s.56-58.
  6. ibid. s. 29; jfr. s. 35.42

## 2. Kyrkje-ordinans og superintendentar.

Ved recessen i Kjøpenhamn 30.oktober 1536 var grunnen rudd og grunnvollen lagd for den nye evangeliske kyrkja. Aa gjeva henne sin organisasjon var den store oppgaaava som no laag fyre. Etter herredagen i Kjøpenhamn i oktober 1536 fylgde det eit aar, som for Noregs kyrkja var den stormfulle undergangstid, men for Danmark som stilla etter stormen.

Nye tilsynsmenner for kyrkja i Danmark vart ikkje - som ein skulde ha venta - straks tilsette. Dei katolske biskopane sat i fengsel, og bispemakti var avskaffa, men biskopane sjølve hadde ikkje avsagt seg sine embete. Det gjorde dei ein for ein i den fylgjande tid: eit aar etter statskupet hadde kongen mottoke fraasegjing fraa fem av dei otte danske biskopane<sup>1</sup>, den sjette kom i 1538<sup>2</sup>, men Roskilde-biskopen Joakim Rønnow gav seg aldri. Av dei norske biskopane var - som nemnt - Hans Rev den einaste, som gav upp sitt bispedøme i kong Christierns hand, 1.november 1537.

Det var visseleg ikkje desse avkall som reformasjonskongen venta paa, innan han fyllte dei tome bispestolane med evangeliske tilsynsmenner. Men han ynskte ~~den nye kyrkjeskippnaden~~ aa faa utforma og fastlegi den nye kyrkjeskippnaden, fyre han overgav det aandelege kyrkjestyret i nye hender.

Kongen forsvara avsetjingi av dei danske biskopane for Luther<sup>3</sup>, og reformatoren gjekk inn paa hans grunnar. "Will auch (ich) solches, wo ich kann, zum besten helffen deuten und verantworten"<sup>4</sup>.

Men baade Luther og Bugenhagen raadde kongen kraftig til, at han skulde skilja undan nok av det inndregne kyrkjegodset til aa halda Guds ord og evangelium vel uppe, - baade kyrkior, presteembete, fatigfolk, studentar, og visitasar<sup>5</sup>.

Kongen hadde fyrst den plan aa halda ein generalvisitasjon ved Bugenhagen. Men denne tanken maatte kongen oppgjeva for det fyrste, av di kurfyrst Johann Friedrich av Sachsen ikkje var viljug til aa lata Bugenhagen fara<sup>6</sup>. Men 11.november 1536, faa dagar etter at riksdagen i Kjøpenhamn var slutt, samankallte kongen eit kyrkjemøte til Odense trettanddagen 1537. Til denne "convocats" vart innkalla dei mest framstaaande evangeliske predikantane fraa alle delar av Danmark, ialt tjuge, deriblandt Hans Tausen og Jørgen Sadolin og Malmö-reformatorane, - vidare ti representantar for dei danske domkapitli - dei fleste av desse høyrde vel enno til det katolske partiet, - og ein representant for det danske klosterfolk. Sidan heldt møtet fram i Haderslev i Slesvig, supplert med sju representantar for preste-skapet i Slesvig bispedøme. - Fraa Noreg var ingen innkalla<sup>7</sup>.

Frukti av Odense-Haderslev-møtet var eit latinsk utkast til ei ny evangelisk kyrkjeordning for Danmark og Slesvig-Holstein. Likesom dei tyske reformatoriske kyrkjeordningar skulde den danske vera paa same tid ei gudstenesteordning og ei kyrkjelov. - Ein finn i dette arbeidet tydelege merke etter, at forfattarane hev nytta Luthers eldste evangeliske gudstenesteordning: Formula missæ et communionis fraa 1523, og Melanchthons sachsiske visitasjonsbok fraa 1528. Den sist-nemnde skrift vart rekna for so viktig, at den danske kyrkjeordningi direkte raader prestane til aa bruka ho, og boki vart ogso umsett til latin av Bugenhagen til bruk for dei danske prestane og utgjevi i prenten i 1538 og paa nytt i 1539. - Vidare hev forfattarane til kyrkjeordinansutkastet nytta serleg tri tyske kyrkjeordningar, som hadde Bugenhagen til forfattar: nemleg den for Braunschweig fraa 1528, for Hamburg fraa 1529, og for Lübeck fraa 1531. I mindre mun var nyare tyske kyrkjeordningar brukt, slike som den Wittenbergske fraa 1533, og Bugenhagens siste verk fraa 1535<sup>8</sup>.

Medan dette arbeidet stod paa, nærma tidi for det aalmenne koncilium i Mantova seg (23.mai 1537). Domkapitlet i Lund bad kongen "holde inde med den mærkelige forvandling i religionsvæsenet", til konciliet var halde; men det var no faafengt<sup>9</sup>. Den pavelege sendemannen biskop Petrus Vorstius av Acqui, som skulde bera fram innkallingane til Tyskland og Danmark og Sverige og Noreg<sup>10</sup>, kom ikkje inn i dei nordiske land, og det var nyttelaust for kardinalerkebiskop Albrecht av Mainz aa beda kong Christian III meddela innkallingi til sine prælater.<sup>11</sup> Christian III slutta seg til den tyske protestantiske koncilpolitiken<sup>12</sup>; han avviste ikkje koncilplanen, men sa seg ikkje vilja taka del i kyrkjemøtet, med mindre det vart samla paa tysk grunn<sup>13</sup>. Den fraasegn, som det schmalkaldiske sambandet gav, vaaren 1537, um kvifor protestantane ikkje vilde møta i Mantova, vart ogso godteki i Danmark, og kom ut paa dansk, umsett av lektor Frants Wormordsen, om sumaren 1537<sup>14</sup>. Den same avvisning møtte innbjodingi til konciliet i Mantova i Sverige. Og av dei katolske biskopane i dei tri nordiske land var det berre tvo utlæge svenske biskopar, som fylgde innkallingi<sup>15</sup>.

I april 1537 var det danske kyrkjeordinans-utkastet ferdugt. Kongen sendte det straks til Luther til gjenomsyn<sup>16</sup>, og tok no uppatt si bøn til kurfyrsten av Sachsen um aa senda Bugenhagen til Danmark for aa setja den nye skipnaden i verk<sup>17</sup>. Christian III ynskte, at Bugenhagen ogso skulde representera Danmark paa koncilet; det hadde kurfyrsten ikkje hug paa, men han samtykte i aa senda han til Danmark<sup>18</sup>.

Luther og dei andre wittwnbergske teologane godkjente framlegget til den danske kyrkjeordning, og 5.juli 1537 kom Bugenhagen til

Kjøbenhavn<sup>19</sup>. I hans fylgji var sannsynlegvis den mann, som skulde koma til aa verta den leidande kraft i gjennomføring i av reformasjonsverket i Danmark, og ein kann gjerne segja, i Noreg med; det var den 34-aarige Peder Palladius, ein borgarson fraa Ribe, som i seks aar hadde opphalde seg i Wittenberg og no avslutta sine studier der med doktorgraden i teologi.

I juli og august 1537 vart kyrkjeordnings-utkastet paa nytt gjennomgaatt i Kjøbenhavn av nokre lærde menner og predikantar, som kongen hadde tillit til<sup>20</sup>, og ymse nye stykke tillagt. Bugenhagen forfatta eit serlegt tillegg, ei rettleiding for kanikekapitel og kloster um gudstenesta der. Kongen let sin kanslar Johan Friis fyrelleggja utkastet for det danske riksraadet i slutten av august, og den 2dre september 1537 gav kongen den nye kyrkjeskipnaden si godkjenning. Den 13. desember kom denne kyrkjelovi ut i prenten fraa Hans Vingaard i Kjøbenhavn under titelen: "Ordinatio ecclesiastica Regnorum Daniæ et Norwegiæ et Ducatum Sleswicensis, Holtsatiæ etc."<sup>21</sup>.

Kyrkjeordinansen ber Noregs namn paa titelbladet, men ingen nordmann hadde vore med i utarbeidingi, - der var ikkje teke omsyn til norske tilhøve, som forfattarane ikkje hadde kjennskap til, - og millom dei 35 underskrifter av kyrkjemenner, som godkjente denne lov, finst det ingen nordmann.

Men kongen var klar over, at den danske kyrkjelovi ikkje utan vidare kunde gjelda i Noreg. Naturlege og historiske tilhøve i dette landet kravde i fleire fall andre fyresegner enn dei som var gjevne for Danmark og Slesvig-Holstein. Under den revisjon av utkastet, som vart gjord under leiding av Bugenhagen i Kjøbenhavn i juli og august, vart det lagt til otte artiklar til det opphavlege utkastet, og millom desse er det ein som gjeld Noreg - det er alt som finst um vaart land i dette lovverket. Artikelen lyder so, i den latinske tekst fraa 1537:

De Norwegia. In Norwegia curabimus quam primum ut sint Superattendants in singulis dioecesibus. Illis mandabimus, ut quam possint rectissime interim curent ut singulae parochiae bonos praedicatores et verbum dei habeant, nihilque negligatur quod ad verbum praedicandum et salutem hominum attinet, et disponant de aliis quae sunt in hac nostra ordinatione, quae possunt, Donec nos in Norwegiam veniamus, id quod breue futurum per Christum speramus. Tunc consilio illorum Superintendentum scorsum illic ordinabimus et confirmabimus ea omnia quae et hac ordinatione illic seruari non possunt. Multa enim ibi aliam requirunt ordinationem<sup>22</sup>. I den danske utgaava fraa 1539 er artikelen umskrivnen soleis:

Om Norige. Vi ville med det første besørge superattendenter udi

orge til hver stikt, hvilke vi ok ville give befaling, at de saa møget om mogeligt er, skulle gjøre deres flid, at hver sogen maa have gode redikere ok det sande Guds ord, at der ok intet maa forsømmes, hvad der ører til Guds ords prediken ok mennisknes salighed, ok skikke hvad ennom tilstaar udi andre sager, de ude denne vor ordinantse begrebne re, indtil vi sjelv komme udi Norge, hvilket vi med Guds hjelp snarlig orhaabe, da ville vi efter superattendenternis raad besønderlig (d.e. erskilt) udi hver sted beskikke ok stadfeste hvad der efter denne ordinantse der ikke holdis kan, di der vil udi mange stækker holdis en nden ordinantse".

Me vil tru, at det var mester Geble Pedersson, som under sitt opphald Kjøbenhavn um sumaren 1537 hev gjort merksam paa dei serlege tilhøvi Noreg, og sett fram ynskje - eller krave - um ei utgaava av kyrkjeordinansen som var lempa etter deim.

Den 12. august 1537, aarsdagen etter statskupet, let kong Christian II seg salva og krona i Kjøbenhavn av Bugenhagen. Og so snart kyrkjeordinantsen var ferdug, vart dei fyrste evangeliske tilsynsmennerne for Danmark og Noreg valde og vigde ( og Bugenhagen ordinerte deim).

Alle dei sju danske bispedømi fekk nye tilsynsmenner no med ein gong<sup>23</sup>. Reformasjonen var so vel fyrebutt i Danmark, at det ikkje var vandt aa finna velskikka menn til desse viktige embete. Dei mest namngjetne sillom dei fyrste danske tilsynsmennerne var dr. Peder Palladius for Sjælland, lektor Frans Wormordsen for Skaane, mester Jørgen Sadolin for Nyn. Paafallande var det, at Hans Tausen ikkje naadde fram; fyrst fleire ar seinare vart han kalla til superintendent.

I Noreg var det heilt annarleids. Reformasjonen hadde enne berre tunne ringe inngang, den nye læra var lite kjend, dei evangeliske predikantar var faa, evangeliske kyrkjelydar var ikkje organiser nokon stad. Dei seinare ar hadde ein snarare mindre enn fyrr merka noko til den utherske rørsle i vaart land. Den utvegen aa setja danskar til aa gjennomføra den nye kyrkjeskipnaden i Noreg vaaga kongen ikkje aa taka den einaste nordmann som vart funnen skikka til straks aa overtaka eit evangelisk tilsynsenbete, var erkedegnen i Bergen Geble Pedersson. Etter alt aa døma var det under opphaldet i Danmark vaaren og sumaren 1537, at mester Geble vart nærmare kjent med den evangeliske læra og vart vunnen for reformasjonen. Ikring 23. august 1537<sup>24</sup> vart han utemd til superattendent over Bergens stift. Dei sju danske superattendantane fekk sine kallsbrev eit par vikor seinare<sup>25</sup>.

Alle dei nye tilsynsmennerne, dei sju danske og den eine norske, vart ordinert same dagen som kyrkjeordinantsen vart utferda av kongen,

2. september 1537<sup>26</sup>, i Vaar Frue kyrkja i Kjøbenhavn. Ordinator var dr. Johannes Bugenhagen, Pommeranus. Ingen av dei gamle biskopane var med. Daa Bugenhagen berre var prestvigd, gjekk den biskoppelige suksesjon tapt i Danmark og Noreg. Ordinasjonsdagen var 14de sundag etter Trieining, daa evangeliet var um dei ti spedalske, Luk.17. Det er fortalt um mester Geble, at "der Ordinantsen var ent efter Prædiken, sendte han Dr. Pommeranus nogle Kander Vin med en Skjænk og Foræring; hvilken høiligen takkede derfor; og efterdi han forstod at Mester Geble havde udsendt den, sagde han til Budet: nonne decem mundati sunt; novem autem ubi? non sunt reverti, qvi darent gloriam deus, nisi hic alienigena? Ere ikke de ti rensede? hvor ere de ni? kom der ingen igjen at give Gud Æren uden denne fremmede? menendes dermed at der var flere Biskopper, som han havde ordineret samme Dag, men der var ingen som sendte hannem skjænk uden den fremmede fra Bergen i Norge.

Mester Geble Pedersson er den fyrste i rekkja av vaare reformatorar. Det var ikkje indre utvikling, men ytre kendingar, som førde han fram til den plassen han no vart sett paa. Han vart ingen stor og merkeleg mann, men han gjorde si gjerning med truskap og kjærleik, og han fyllte romet sitt og etterlet seg eit heidra namn og eit godt ettermæle.

Men utanfor Bergens bispedøme kom reformasjonsverket seint igang. Dei katholske prestane vart sitjande i sine embete, men fekk liti eller ingi rettleiding. Dei var, som Peder Palladius skriv i 1541, "ille farne, som sauder utan hyrdingar." Det var ingen her i landet som hadde studert ved eit evangelisk universitet, Den fyrste nordmann vart immatrikulert i Wittenberg 1542. Bispestolane stod difor ledige i aarevis. I 1541 vart Jon Guttormsson utnemnd til superintendent i Stavanger, og seinare same aaret vendte biskop Hans Rev tilbake som superintendent over Oslo og Hamar bispedøme. I 1546 fekk erkestiftet endeleg ein superintendent i mester Thorbjørn Olavsson Bratt, Luthers og Melanchtons fyrste norske discipel.

Reformasjonskongen sjølv kom aldri til Noreg. Ei kyrkjelov tilmaata etter norske vilkaar hørde ein ikkje meir gjete. Den latinske ordinans av 1537 vart utferda paa dansk i 1539 og i denne form fyrelagt nordmennene til vedtaking paa møte i Oslo og Bergen same sumaren, av kongens fullmektige, dei danske riksraadane Trud Ulvstand og Claus Bille, samm med superintendenten mester Geble.

I 1607, sjutti aar etter 1537, kom kyrkjeordinantsen for Noreg. Daa fyrst kann ein segja, at reformasjonsverket var fullført i vaart land.

Dei nye evangeliske tilsynsmennerne skulde i Danmark og Noreg - annarleids enn tilfellet var i Tyskland - gaa inn i embetet aat dei gamle katolske biskopar.<sup>27</sup> Men paa ymse maater vart det understreka, at det nye tilsynsemetet var eit anna enn det gamle. Titelen biskop, episkopos, vart innbytt med den latinske umsetjing superatendent eller superintendent. Og um det evangeliske tilsynsemetet segjer kyrkjeordinantsen, at "superintendentene, som skulle være de rette bisper ok erkebisper udi kirkerne, kaldis nu ikke til nogen ørkesløshed, som saadane pleie at være, men til stort arbeid"<sup>28</sup>. I røyndi var det superintendentane, som fekk den oppgaaava aa gjennomføra reformasjonsverket, og ikkje minst vart det tilfelle i Noreg, soleis som ogso Noregsartikelen i ordinantsen viser, at det var tanken aat kongen.<sup>29</sup>

Ved den fyrste ordinasjon av superintendentar vart samanhengen med det katolske bispeembete broten og det med vilje. I Sverige vigde dei siste katolske biskopane dei fyrste evangeliske, og noko liknande skjedde sidan i England. Ikkje soleis i Danmark og Noreg. Bugenhagen, som ordinert den eine norske og dei sju danske superintendentane i 1537, var berre prestvigd. Ingen av dei katolske danske og norske biskopane medverka ved denne handling, heller ikkje Hans Rev av Oslo, som sume hev meint var med. Den apostoliske suksesjon gjekk soleis tapt i den danske og norske kyrkja. Dette resultat var ei fylgje av Luthers standpunkt i dei schmalkaldiske artiklane, - Luthers testament, som dei vart kalla - , fraa januar 1537<sup>30</sup>. Her heiter det: protestantarne er for kjærleik og fred skuld viljuge til aa lata sine predikantar ordinera av biskoparne, men dei held ikkje slik ordinasjon for naudsynleg, og difor bør og vil dei evangeliske sjølve ordinera tenarane i kyrkja.

At dei evangeliske superintendentane, som skulde avløysa dei katolske biskoparne, vart innsette i sine embete ved ein serleg kyrkjeleg ordinasjon, er likevel uttrykk for ei onnor vurdering av superintendent-embetet i Danmark og Noreg enn i Tyskland. Luther la i det heile ikkje større vekt paa ordinasjonen - fyrst i 1535 vart presteordinasjoen innført i Wittenberg - og han gjorde heller ikkje skilnad millom prest og biskop. Annarleis i den danske og norske kyrkja. Her var superintendentarne i røyndi etterfylgjarar av dei katolske biskopane, dei arva deira embete, dei sat paa dei gamle bispestolarne, deira embetsumraade var dei gamle bispedømi, og det vara ikkje lenge, innan den lange og tunge titelen "superintendent" i daglig tale og skrift maatte vika for det tradisjonelle namnet "biskop".

Men sjølv um der soleis vart halde uppe ein praktisk kontinuitet millom det katolske bispeembete og det evangeliske superintendentembete, so var det likevel ein stor og gjennomgripande forandring, som skjedd i organisasjonen av den kyrkjelege biskops-gjerning.

Ved reformasjonen tapte biskops-embetet all sin tidlegare ytre glans, baade den verdslege makt som riksstand - den fall til kongen og riksrådet<sup>31</sup> - og den økonomiske rikdom i jordegods, inntekter, bispegardar osv. - det vart inndrege av kongen. Ogso det "geistlege regiment", som høyrde det gamle biskops-embetet til, vart avskaffa,<sup>32</sup> - dvs. biskopane vart praatekne den spesifik kyrkjelege jurisdiksjon og raaderetten over kyrkjegodset, og den kyrkjelege lovgjevingsmakt. Men hermed var ikkje biskops-embetet sjølv oppheva, - det stod uppatt i ny, avgrensa skapnad, i samhøve med det reformatoriske grunnprinsipp, som gjorde Evangeliet til øvste autoritet i kyrkja. Dette er uttrykt soleis av herredagen i Kjøbenhavn 1536<sup>33</sup>, at "efter denne dag skal ingen biskoper vere eller blive udi Danmarks rige, uden de som kunne og rettfærdigen ville predike ok lere det hellige Evangelium ok rene Guds ord, som en kristelig biskop bør at gjøre".

Stillingi aat tilsynsmannen - biskopen eller superintendenten - er soleis eit av hovedpunkti i den nye reformasjonsordning. Dei katolske biskopane hadde - hevda reformatorene - gjort seg uverdige til sitt embete, fordi dei hadde staatt i mot Guds ord og Evangelium - difor skal "andre christelige bisper ... tilskikkes"<sup>34</sup>. Bispe-embetet hadde i stor mun forsømt si eigenlege oppgaa, - no vert det sett paa fote, og den kyrkjelege gjerning vert gjort til hovudsak, - dei religiøse, dei kyrkjelege og dei teologiske oppgaa vor tred no i framgrunnen og vert alpha og omega.

Kyrkjeordinantsen oppstiller fylgjande krav til superintendenten (1-7)<sup>35</sup>:

1. Han skal halda theologiske fyrelesningar i bispestaden, nemleg paa latin leggja ut og læra andre den heilage skrift.<sup>36</sup>
2. Han skal preika Guds ord for folket, baade i bispestaden og rundt i stiftet.<sup>37</sup> Han skal halda undersaattarne til aa vera fredsame og lydige mot øvrigheiti<sup>38</sup>.
3. Han skal halda tilsyn med læra og livet og dugleiken aat presteskapet, nemleg (a-e)
  - a) leggja vinn paa, at "predikerne maa alle rettsindelig og endrektelig lære Christi hellige Evangelium og andet det, der bør at følge med",<sup>39</sup>
  - b) akta paa at prestarne og deira husfolk fører ein høvisk livnad,<sup>40</sup>



- c) overhøyra nye prestar, fyrr dei vert skikka til tenesta (ordinert),
- d) ordinera til prestar dei som er retteleg valde og prøvde og stadfesta, og senda deim til deira kyrkjelyd med fyremeldingsbrev (kollats),
- e) paaminna og aatvara dei som ikkje tek vare paa sitt embete, og straffa deim som forsømer det, og um dei ikkje rettar seg, avsetja deim fraa tenesta. I samband med bispeembetet vart det nemleg framleides halde uppe ein kyrkjeleg jurisdiksjon i disiplinnære klerkesaker: slike saker skulde fyrehavast for ein domstol sammansett av biskopen, lensherren, provsten og nokre sokneprestar.
4. Aarleg<sup>41</sup> skal superintendenten visitera kyrkjerne i stiftet saman med kongens lensmann<sup>42</sup>. Daa skal der haldast overhøyring i lærdomen, dei rettskafne styrkjast, og ranglæra rettast. Visitatorarne skal granska arbeidet i prestenesta og skularne, føra tilsyn med hospital og fattigstell, og vitja jomfruklostri.
5. Superintendenten skal avgjera alle saker, som "samvittighederne er anrørendis, om hvilke man spørger raad af Guds ord". I saker som vert honom fyrelagt av kongen eller dei kongelege embetsmenneskene, skal han samraade seg med sine embetsbrødrar eller med dei mest kunnige prestane, forat han kann "svare det som visst og fast er". Superintendentarne skal soleis vera autoritetar i samvitssaker, og i det heile å aandelege spursmaal. Men sjølve er dei underkasta Guds ord som høgaste autoritet. Dei skal vaka over tru og læra, ikkje berre hjaa prestane, men i det heile. Bøker, serleg slike som vedrørte trui, maatte ikkje prentast, utan censur av universitetet og fyremøling av superintendenten<sup>43</sup>. Seinare vart det paalagt superintendentarne aa hava tilsyn med sal av bøker, som var prenta utanlands utan censur av universitetet<sup>44</sup>. Og etter 1569 maatte ingen utlending setja seg ned i riket utan at han var eksaminert i trui av superintendenten og hadde faatt hans vitnemaal<sup>45</sup>.
6. Den kyrkjelege jurisdiksjon, som fyrr hadde vore ei av hovudoppgaavorne for bispeembetet, vart overført til verdsleg domstol<sup>46</sup>, og det vart forbode superintendentarne aa hava med verdslege rettsaker aa gjera, med mindre dei spesielt var tilkalla av kongen eller hans raad eller lensmenneskene. Men der vart gjort tvo viktige undantak. Saker mot prestar um læra og liv skulde paadømast av kyrkjeleg domstol<sup>47</sup>. Um ekteskapsaker fyreskriv ordinantsen av 1537, at dei skulde forehavast for verdsleg domstol. Men det synte seg, at denne skipnaden var lite tilfreds-

stillande, og i eit tillegg til ordianntsen 1542 vart ekteskaps-saker og horsaker lagt under kyrkjeleg domstol. I desse domstolane hadde superintendentane sæte saman med lensherren og domkapitlet eller andre geistlege. Ekteskapsdomstolarne stod ved lag til 1797, prestedomstolarne til 1887 i Noreg (i Danmark er dei enno til).

7. Tilsyni med den kyrkjelege økonomi, som biskopen fyrr hadde havt aaleine, skal superintendenten føra, saman med representanten aat kongen (lensherren), - i visse fall i samraad med andre geistlege og leikmenn. Ordinantsen fyreskreiv, at lensherren og superintendenten med full kongeleg mynja skal vitja alle kyrkjer ein gong med det fyrste, og forfatta eit register i tvo eksemplar over alt kyrkjegods. Ifall der trengst regulering av embetslønerne i kyrkja, skal superintendenten og lensherren saman med tvo andre gode gudfryktige menn, ein "lærd mann" og ein riddermanns mann", - altso ein visitaskommisjon paa 2 geistlege og 2 verdslege medlemmer - vitja alle soknekyrkjer og regulera sokneinndelingi og inntektene aat prestar og deknar<sup>48</sup>. Likeins skal superintendenten og lensherren skipa løningar for skuletenevennerne i kjøpstaderne av kyrkjegodset.<sup>49</sup> Og endeleg skal han, saman med lensherren og fleire andre, skipa fattigfolks kiste i kjøpstaderne<sup>50</sup>, og føra overtilsyn med økonomien aat hospitali.<sup>51</sup>

Me legg merke til, at superintendentane i ei rekkja tilfelle skal dela mynja med lensherrarne.<sup>52</sup> Det er ein ny skipnad, som vert innført med reformasjonen, at kongemakti gjenom sine representantar tek direkte del i den kyrkjelege stiftsstyring. Biskoparne var fyrr eineraadande paa dette umkverve, og i dei reint aandelege ting skal superintendentane framleides vera det, men i alt som vedrører kyrkjeleg økonomi, jurisdiksjon og ytre ordningar, skal superintendent og lensherre arbeide saman, og her er lensherren fyrste ~~ag~~ grunn. Av den skipnad som reformasjonen grunnla i dette stykke, er sidan vaare noverande stiftsdireksjonar gaatt fram<sup>53</sup>. Skipnaden er ikke berre ei ordning av praktisk natur, han er ogso uttrykk for eit prinsipielt tilhøve millom geistleg og verdsleg makt, millom stat og kyrkja: sideordning og samarbeid.

I mangt og mykje vart superintendentane bundne i si gjerning av lensherrane, og samhøvet millom dei vart serleg i reformasjonshundredaaret meir underordning eller motsetnad enn samarbeid. Men paa den andre sida styrkte reformasjonen den kyrkjelege tilsyns-

gjerning ved aa umskipa provsteembetet. I millomalderen var provstane hjaa oss økonomiske og rettslege umbodsmenn for biskopane. Ikring 1300 vart den biskoplege dømsretten overført til offisialar, og biskopsprovstane vart i fyrste rekkja rekneskapsprovstar, - so kallast dei og - svarande umlag til futane i den kgl. administrasjonen. Ved reformasjonen forsvann offisialis-embeti med den gamle sjølvstendige kyrkjelege jurisdiksjon, og rekneskapsprovstane gjekk over i tenesta aa lensherrane (hofmannsprovstar). Istaden skipa ordinansen eit nytt provsteembete med reint kyrkjeleg oppgava<sup>54</sup>. Provstane skulde vera "medhjelparar" for superintendentane,<sup>55</sup> visitera aarleg alle sokner i provstedømet<sup>56</sup>, røkja etter korleis sokneprestane fyrstaar sitt embete og i tilfelle formana deim eller sterna deim for biskopen, sjaa til hva framgang soknefolket gjer i den evangeliske læra, føra tilsyn med kyrkior og kyrkjegardar, høyra rekneskapen for kyrkiorne (det gjorde biskopen i den katolske tid), vera "forsvar" for prestane, at dei får sine inkomor,<sup>57</sup> fyrestaa presteval, innsetja prestar i embetet, døma i geistlege saker mot prestar og deknar ( i fyrste instans: provsteretten).

Umskipingi av bispeembetet og ikkje minst nyskipingi av provsteembetet er vitnemaal um at reformasjonen la ei hovudvekt paa aa gjennomføra ei effektiv tilsyn i kyrkja, og hadde stor tru paa verknadene av visitasar til fremgjing av evangeliet.

Ikkje mindre inngripande enn umskipingi av dei biskopelege embetsplikterne var forandringi av den økonomiske og rettslege stillingi aat dei kyrkjelege tilsynsmennene.<sup>58</sup>

Dei katolske biskopane hadde raadtt over veldige inntekter av jordegods og avgifter, dei hadde store bispegardar og slott, og heldt ein vaapenfør hird. For dei nye biskopane fyreskriv ordinansen, at dei kunde ha ein skrivar, ein ærendsvein, ein kjørekar og 4 hestar, ein dreng som sidan kunde opplærast til kyrkjelegt embete, og to tenestegjentor i hushaldet. Løni skulde vera: 2 lester rug, 4 lester malt, 2 lester havre, 50 lass høy, 20 lass halm, 40 lamm, 100 gylden i gull. (Lest er eit dansk kornmaal = 48 tunnor). Under forhandlingane um ordinansen i 1537 bad Bugenhagen inntrengjande um, at aarsløni for superintendentane maatte setjast høgare, av di embetet med sine mange reisor og store plikter vilde verta byrddfullt nok. Løni vart likevel ikkje auka i Danmark.<sup>59</sup> I Noreg fekk dei fyrste superintendentane tildels romslege kaar<sup>60</sup> - Geble Pedersson i Bergen fekk inntektene av Munkeliv klostets gods, - men sidan vart det gjennomført sereigne normer som laag nærmare den danske.

Dei evangeliske biskopane skulde likesom dei katolske tilskikkast i kyrkjelege former, nemleg ved kyrkjelegt val og seleg kyrkjeleg ordinasjon. Bispevalet vart ved ordinansen av 1537 teke ifraa domkapitli og lagt i hendene paa kjøpstads-sokneprestane i bispedømet; dette var dansk kyrkjepolitikk, for i Danmark hadde reformasjonen fyrst funne inngang i kjøpstadskyrkjelydane, medan domkapitli i regel var motstandarar av det nye. I Noreg som hadde faa kjøpsteder, høvde denne skipnaden ikkje; biskopane vart her framleides valde av domkapitli; den norske ordinansen av 1607 (bl. 85r) fyreskreiv, at valet skulde skje av dei residerande kannikar ved domkyrkja og dei næraste kringbuande prostane. Den valde skulde overhøyrst for aa prøvast i sin lærdom - i praksis vart denne overhøyringi gjord av Universitetet i Kjøbenhavn, soleis at eksamen til bispeembetet er den eldste form for teologisk embetsprøva ved universitetet (sidan 1540) - Ordinasjonen skulde skje i bispestaden og utførast av den nærmaste superintendenten. Men i praksis kom bispeordinasjonen alt fraa fyrsten til aa skje i Kjøbenhavn - ved Sjællands biskop -, og dette vart og uttrykkeleg fyreskrive i den norske kyrkjeordiansen av 1607 (bl.86v).

Etter valet stadfesta kongen den valde og gjorde honom "myndug" i stiftet ved brev til presteskapet. Og den nyvalde svor kongen truskap, idet han lova aa vera flitug "i sitt embede og aandelig regimente" (officium et regimen ecclesiasticum)<sup>61</sup> Men ved ordinasjonen vart det understreka, at den nye tilsynsmannen vart tilskikka av kyrkja, til tenesta i kyrkja.<sup>62</sup>

Superintendentens ed:

Kjereste naadige herre, jeg N., utvald superattendent til N. stict, lover Eders Kongelige Majestat sand troskab, at jeg det yderste meg mogeligt er vil forfremme det eders Kongelig Maiestat ok . riget kan være til ære, gavn, fred, rolighed ok lydighed, ok . andet som jeg for Gud pliktug er Eders Kongelig Maiestat, ok vil være emod alt dette kan forhindre.

Dernest lover jeg, at den stund jeg er udi dette embede, da vil jeg forhandle den hellige skrift retsindelig, efter den gave som Gud haver givet mig, retskaffelig traktere Evangelium ok sakramenterne, ligesom Christus dennem sjelv haver indskikket. Jeg vil mig vare for menniskelige meninger ok blive hardt ved vor christelig troes visse artikler. Jeg vil ok skaffe't saa ok paamine sognepræsterne til kirkerne, de mig befales, at de oksaa skulle staa deris embede vel fore baade med lærdom ok sakramenternes uddelelse, at de oksaa skulle trolige lære.

børnelærdom fraa seg ok der om forhøre sine sognefolk baade i skriftemaal ok ansedelis, hvad de der forbedre seg.

Jeg vil ok være om børneskolerne at de skulle blive ved makt, oksaa vide fattige folkes beste, ok hjelpe den menige lov ok lands skik at holdes ved makt, ok hvad andet en superattendant tilhør efter Eders Kongelig Majestatis skrevne ordinantses indhold. Ok jeg ei vil med gunst eller gave eller nogen anden vild lade meg kreŕke emod det mit embede tilhør. Men dersom jeg av menniskelig skrøbelighed, vanvittighed eller i nogre andre maade noget her av forsømdes vorder, da forlade meg det Gud fader av sin mildhed for sin søns Jesu Christi skyld. Men med vilje ok vidskap udav beraad mod vil jeg intet gjøre emod det jeg nu lover Eders Kongelig Majestat, Saa sandelig hjelpe meg Gud ved dette hellige evangelium.

Ok med det samme han saa siger, da skal han tage paa det Nye Testamente.

Ved ordinasjonen til det heilige bispeembete i kyrkja vart ordinarnden fyrelesen sine plikter etter kyrkjeordinantsen, og ordinator paala honom aa læra det reine evangelium og preika syndsforlatingi og det ævelege liv i Christo Jesu Guds son aaleine, aa læra um kjærleik, um krossen (som Gud legg paa oss ), um pønitense, um lydriad mot øvrigheiti og um sakramenti etter Christi skipriad<sup>63</sup>, aa læra og trøysta raadlause samvit, aa raada, paaminna og straffa med alt tomød, so andre kann forbedrast derved.<sup>64</sup>

Den personlege utrustning som kravdest hjaa dei evangeliske biskopane, var dei tvo ting, at dei skulde vera "skikkelige (skikka) baade i lærdom og levnet" (dignus vita et doctrina). Der maatte hjaa dei kørkje finnast "nogen vrang lærdom" eller "nogen merkelig last"<sup>65</sup>, og serleg ikkje "slømmeri (drukkenskap), girighed eller hovmod"<sup>66</sup>. - Gjer nokon biskop seg skuldig i embetsforsøming eller i openberr last eller kjetteri, skal hans sak provast fyre kongen, som hev rett til aa avsetja han.<sup>67</sup>

I den katolske tid var det eit aalvorligt brot paa kyrkjefridomen, um kongen tok seg til aa døma over biskopar. Det førte til aalvorlege konflikhtar, - me minner um Christian II's aatferd mot biskop Karl av Hamar eller mot biskop Jens Andersen Beldenak i Odense eller mot dei svenske biskopane i Stoc kholms blodbad. Etter at biskopene i Danmark og Noreg var sett utanfyre statsstyringi og politikken ved reformasjonen, fyrelaag der ikkje lenger politiske motiv til konflikhtar millom konge og biskopar. Men ved reformasjonen

hadde kongen teke andsvaret for, at biskopane under den nye ordning betre oppfylte sine eigenlege kyrkjelege plikter, og det er ein konsekvens av statskupet i 1536, daa kongen fraadømte dei gamle biskopane deira embete, at han ogso sidan hadde den øvste domsrett over dei nye biskopane.

Det hev sin interesse aa granska nærmare tilhøvet millom kongen og biskopen paa reformasjonstidi. Naar biskopen vert utnemd av kongen, faar si løn fastsett av kongen, og sine embetsplikter fyreskrivne av kongen, og han staar under kongens dom, daa vil ein med rette slutta, at hans stilling i tilhøvet til kongedømet var bundi og ufri. Kongen untalar ogso superintendentane med ordi "vore superintendenter". Men ein vilde mistaka seg mykje, um ein gjekk ut ifraa, at det kyrkjelege embetet - og spesielt bispeembetet - ved reformasjonen hadde tapt sin sjølvstendige karakter og var blitt ein statsinstitusjon. So er ikkje tilfelle, og soleis hev heller ikkje reformatorene set saki.

Kongen overtok riktignok ikkje berre den verdslege, politiske makt som biskopane fyrr hadde - han tred ogso inn i det ytre biskoplege kyrkjeregimente. Men det er ikkje det same som, at kyrkjemakti gjekk upp i statsmakti. Reformatorane heldt klaart fast ved den eldre læra um det dubbelte regimente: det aandelege og det verdslege. Kvart av dei hadde sitt formaal og sine maktmidlar<sup>68</sup>. Confessio Augustana er fullt klar paa dette punkt. Der er ikkje tale um samanblanding eller underordning, men jamnstelling. Det aandelege regimente raader for sjælerne, det verdslege for lekamen. Ved det aandelege embete vert det gjeve ævelege godar: ei æveleg rettfærd, den Heilage Ande, eit ævelegt liv. Den verdslege øvrigheit tener dei timelege ting: den borgerlege fred og rettfærd. Den geistlege makt vert utøvd ved ordet, den verdslege ved sverdet.

Like tydeleg staar denne skilnaden i den danske og norske kyrkje-reformasjonen. I vaar fyrste evangeliske kyrkjelov heiter det, at superintendenten fører regimen ecclesiasticum, - "det aandelige regimente, der han haver paa kirkens vegne". Reformasjonkongen i Danmark og Noreg vert aldri oppfata som "Nothbischof" og der vert ikkje tillagt honom biskops namn i nokor form. Han ser heller ikkje si stilling slik sjølv. "Vor vilje ok begjering", segjer han, er, at vi maatte ophjelpe den forfaldne Jesu Christi vor Herres lærdom og ret sand christen dyrkelse".<sup>69</sup>

Den stilling reformasjonkongen tok til kyrkja i Danmark og Noreg, er ikkje som summus episcopus, men som vernar og forsvarar, - hans fyrebilæte er dei fromme kongane over Juda rike, Ezekias og

Josias<sup>70</sup>. Han hev ikkje kongeleg majeståtsrett over kyrkja, men eit teokratisk-patriarkalsk andsvar for henne; han er ikkje herre, men forsterfader (jfr. Sverre).

Tydeleg kjem tilhøvet millom den kongelege og den kyrkjelege makt fram ved kroningi aat reformasjonkongen Christian III 12 aug. 1537. Dei same ceremoniar og tankar vart fasthaldne ved kroningane aat hans ettermenn fram til eineveldet - daa vart tradisjonen broten.

Dei kongelege regalierne, sverd, krona, scepter og rikseple, vert framborne av riksråadane paa altaren og ofra til Gud. Kongen vedkjenner seg aa hava all si makt fraa Gud som sin "lensherre", og lovar aa halda uppe og verna Christi læra og aa styra riket med rettferd. Dette er kongedømet "av Guds naade"<sup>71</sup> Paa oppmoding av rikskanslaren overgjev ordinator paa Guds vegner som Christi tenar re<sup>a</sup>liene til kongen og stadfester honom i hans kongedøme. Ordinator forklaarer den symbolske meining i regalierne, og ved scepteret gjer han ei slaaande samanlikning millom den aandelege og den verdslege makt:

Det heilage Evangelium er eit scepter, ein bispestav, i Christi rike. Det hev han overgjeve til sine prestar, daa han sa til deim: "gaa ut i all verdi og forkynn Evangeliet for all skapningi". Dette scepteret høyrer heime i det aandelege kongeriket. Men det verdslege scepteret, som vert overgjeve til kongen, det er lov og orden i hans land og rike.

Det er lærerikt, at evangelieboki ikkje er ei av dei kongelege regalierne, men vert nemnd som symbolet paa den aandelege makt.<sup>72</sup> Bugenhagen hev tydeleg nok havt den katolske bispeordinasjon i tanke, - daa vert det overgjeve ordinanden desse embetsinsignier: stav og ring, evangeliebok og mitra.<sup>73</sup>

Bugenhagen var ein kjennar av desse spursmaal; ved sin promosjon til doctor i den evangeliske teologi i 1533 hadde han disputert um skilnaden millom det aandelge embetet og den verdlege øvrigheit.

Etter tankegangen i reformasjonstidi er skilnaden denne:<sup>74</sup>

Ministerium, det aandelege regimente,<sup>75</sup> lyklemakti eller bispe-makti, regjerar samviti ved Evangeliet. Det skal preika Guds ord, forvalta sakramenti og øva kyrkjetukt, for aa frelsa sjæler.

Magistratus, den verdslege øvrigheit, fører det verdslege sverdet og regjerer lekamen og det som høyrer den til. Ved dei ytre midlane aat magistratus kann der ikkje naaast noko aandelegt resultat, - all aandeleg framgang kann berre vinnast ved ordet.

Men naar den aandelege øvrigheit forsømer si plikt, naar evangeliet (etter Guds ord) ikkje vert forkynnt, eller naar det vert hindra i

sin gang, daa hev den verdlege øvrigheit, som ogso høyrer kyrkja til, plikt til aa reformera. Difor vert det oppgaava for den verdslege øvrigheit, aa hjelpa den aandelege til aa løysa si oppgaava.<sup>76</sup> Og her er ytre tvang og makt paa sin plass, for at einskap i aandelege ting kann uppehaldast innan fyre same land og rike. Det er denne lutherske oppfatning av den dubbelte øvrigheit, saman med uniformitetsprinsippet, som ligg til grunn for reformasjonsverket i Danmark og Noreg.

Men paa den tid reformasjonen vart innført i desse land, var det enndaa ikkje utforma nokon av dei seinare protestantiske statskyrkjeteoriane<sup>77</sup> - korkje episkopatsystemet eller territorialsystemet. Det eldste av desse, episkopalsystemet, med si læra um det fyrstelege summepiskopatet, fekk fyrst si nærmare utforming etter religionsfreden i Augsburg 1555, paa grunnlag av regelen: cuius regio, ejus religio. Men summepiskopats-ordningi hev sin gildleik spesielt i Tyskland. I Danmark og Noreg var dei nye kyrkjetilhøvi sett i full orden lenge fyre religionsfreden i 1555, og denne freden galdt ikkje Danmark og Noreg. Det grunnleggjande her er derimot den teokratiske forplikting for kongen som kristeleg øvrigheit. Skilnaden mellom det aandelege og det verdslege umraade i kyrkjeskipnaden vert gjennomført i den fyrste dansk-norske reformatoriske kyrkjelov, ordinansen fraa 1537. Det er i samhøve med denne kyrkjelovi, at kongen utøver den utvertes kyrkjelege regjering. Men han held seg i det stykke, vel aa merka, innanfyre visse grensor.

Kongen uttalar klaart og greidt i ordinansen, at kyrkjeordningi inneheld tvo stykke, ei ukrenkjeleg guddomeleg ordning, ein foranderleg kongeleg skipnad.

Det eine stykke, som er vaar herres Jesu Christi ordinans, høyrer Gud aaleine til og realiserar Evangeliet, det umfatar forkynningi av Guds ord, sakramentforvaltingi, barneupplæringi, og underhold for tenarane i kyrkja, for skulane og for dei fatige. Dette er alt saman Jesu Christi "innstigtelse", og etter desse emne er innhaldet i kyrkjeordinansen av 1537 stort set gruppert.

Det andre stykke, som er kongens eigen ordinans, høyrer ogso Gud til, men det kann forandrast av kongen i sumt (dvs. han hev ein avgrensa lovgjevingsrett). Det gjeld personar, tid, stad, tal, maate, ceremoniar for gudstenesta, visitas og kyrkjelege møte, - alt serlege skipnader, som det vert gjeve fyresegner um paa kvar sin stad innanfyre dei nemde hovudtykki i kyrkjeordiansen. Med andre ord: innhaldet og formaalet høyre Gud til, formi er kongens sak. Men denne "Guds og vor ordinans" er noko heilt anna enn det verdlegee regimente - statsstyringi.



Kyrkjeordinansen vil kongen handheva med den makt han hev i kyrkjelege ting av Gud. Det er den gamle tanken um kyrkja som ein evig og urikkeleg frelsesinstitusjon, som her lever vidare, men i eit nytt uttrykk og med ein ny berar. Det er evangeliet som byggjer kyrkja, - ikke kongen, og heller ikkje andre menneskelege autoritetar, konciliet, hierarkiet, ell.l. Kyrkja staar ikkje under kongedømet, men jamnsides med det. Kyrkja hev ikkje noko hierarki, men ho hev likevel ein øvste autoritet, evangeliet, og ein einaste herre og meister, Jesus Kristus. Kongens ordinans skal tena Guds ordinans, og høyrer Gud til, men han kann forandrast i sumt, av di han ikkje hev "nogon synderlig helligheds mening". Men Christi ordinans kann ikkje overtredast eller krenkjast av noko menneskje. Christi sanne evangelium, Christi eigen skipnad, er normen for kyrkja. Dette evangelium vert framføre, desse skipnader vert styrt av det heilage presteembetet. Dette embetet er av guddommeleg opphav og av apostolisk art. Det er ikkje ei kongeleg tenesta, men det er innsett av Gud sjølv. Som Peder Palladius segjer i etterordet til si katekismusforklaring for norske sokneprestar (1541) um dei fyrste norske tilsynsmennerne: "Spiritus Sanctus posuit eos Episcopos regere Ecclesiam Dei".<sup>78</sup>

Superintendent - embetet er ein av grunnsteinane i reformasjonsverket. I kallsbrevi<sup>79</sup> vart det paalagt dei fyrste superintendentane aa "undervise" alle geistlege, prelatar, prestar, og predikantar i bispedømet til aa "predike det rette, rene og klare Guds ord". Det var deira hovudoppgava, soleis som Noregs-artiklen i ordinansen segjer, aa skaffa kyrkjelydane "gode predikere og det sande Guds ord". Dinast skal dei i Noreg gjennomføra ordinansen so langt det er deira plikt og rett, inntil kongen sjølv kann koma til landet og lempa ordinansen etter norske tilhøve.

I Danmark kunde no visitatane byrgja med full kraft under dei sju nye superintendentane. Millom deim gjorde serleg den unge Peder Palladius eit stort og dugande arbeid, - paa 5 - 6 aar fekk han vitja alle dei 390 kyrkjorne i Sjælland stift. Eit merkelegt minne um denne hans vegbrytande gjerning er hans "visitatsbok" (ca. 1543) som paa same tid er ei tilvisning til aa utføra den kyrkjelege tilsynsmannstenesta og ei ypparleg livfull skildring av kyrkjelege og kulturelle tilhøve i samtidi.<sup>80</sup>

I Noreg derimot var det berre i Bergens stift, visitasane kunde koma igang, - i dei andre maatte alt til vidare vera ved det gamle.

Det viktigaste reformatoriske tiltak ved sida av visitasane var

nyskipingi av universitetet i Kjøbenhavn som evangelisk høgskule, under den fyrste reformatoriske rørsle i Danmark var universitetet kome i forfall og hadde stogga heilt i 1531. I kyrkjeordinansen av 1537 lova Christian III aa setja universitetet igang igjen, og det skjedde straks. Den nye høgskulen vart opna 9 september 1537 og byrja si verksemd i oktober. Reorganisasio<sup>n</sup>en vart Bugenhagens fornemste oppgaaava i dei tvo aar han var i Danmark istadenfor Melanchton, som ikkje kunde koma,<sup>81</sup> han overtok ogso ein lærarstol, og ein ny fundats for høgskulen vart gjeven i Odense 10. juni 1539.

Nyreisingi av Kjøbenhams universitet var ein led i reformasjonsverket. Høgskulen vart inndelt i fire fakultet - tri høgare for teologi, jus og medicin, og eit lægre for artes, etter det tradisjonelle system. Undervisningsplanen vart utforma av Bugenhagen, med Wittenberg til mynster, og sikta mot humanistiske lærdomsmaal. Der skulde gjevast undervisning i dei bibelske grunnspraak, græsk og hebraisk; hovudstykk i det teologiske studium var den Heilage Skrift og den rette evangeliske læra.

Dei fyrste lærarane var danske og tyske, og det økonomiske grunnlaget for universitetet var dansk kyrkjegods. Noreg gav ikkje noko tilskot. Men som den fyrste fyrelesningskatalogen, fraa 1537, viser, skulde den nye evangeliske høgskulen tena baade Danmark og Noreg.

Presteutdanningi vart ikkje enno konsentrert ved universitetet. Studium eller eksamen ved høgskulen vart ikkje uppsett som vilkaar for prestetenesta. Uppgaaava for universitetet var ikkje aa utdana embetsmenn, men lærde menn, til pryd og gagn for kyrkja og skulen og for riket. I fyrste rekkja skulde universitetstudier vera ei oppgaaava for domkapitla.<sup>82</sup> Etter Luthers og Bugenhagens bøn heldt kongen desse institusjonane uppe og tilstod deim nye privileg, som gav prælatar, kanikar og vikariar det beste høve til aa vitja høgskulen og der fyrebu seg til tenesta i kyrkja som superintendentar eller predikantar og prestar, eller i skulen og universitetet eller ved kongens hoff. Samtidig paala kongen baade domkapitli og "herreklostri" aa halda ein lærd teolog i byen eller klostret, til aa halda fyrelesningar over den Heilage Skrift og aa preika. Desse teologiske lektorembete vart viktige leder i den eldste evangeliske presteutdanning rundt i landet.

Sluttsteinen paa det reformatoriske nyordningsverket vart lagt ved at kyrkjeordinansen fekk si endelege form og umfang.<sup>83</sup>

Faa herredagen i Odense 1539, der Kjøbenhams universitets nye

fundats vart gjeven, vedtok kongen og det danske riksrådet den 14. juni kyrkjeordinansen i dansk umsetjing; - der var samtidig kome ut i prenten ei onnor dansk umsetjing, som sume hev tillagt Peder Palladius, og i motsetning til denne vart den offisielle utgava kalla "den rette ordinans", eit namn som alle seinare utgavor bar.

Daa nye røymslor kravde ymse nye fyresegner, forfatta superintendentane i Danmark, etter paalegg av kongen, eit tillegg til ordinansen, som vart godkjent av kongen paa eit kyrkjemøte i Ribe 4. mai 1542: "26 artikler, som skulle holdis lige ved den rette ordinantse" - dei sokalle Ribe-artiklane.

Bugenhagen, som oppheldt seg i Danmark i 2 aar, 1537-39, var tilstades ved baare møte, i Odense 1539 og i Ribe 1542. Reformasjonsloverne er soleis fraa fyrst til sist blitt til under hans oppsyn.

Den danske ordinansen av 1539, med tvo tillegg: Bugenhagens latinske ordinatio ceremoniarum pro canonicis et monasteriis av 1537, og dei 26 Ribe-artiklane av 1542, vart utgjevne samla i prenten med titel: "Den rette Ordinants, som nu sist paa Herredagen y Ottense bleff offuerseet oc besegelet, Huorledis Kircketiennisten skal holdis vdi Danmarckis oc Norges riger, oc de Hertugdømme Slesvig Holsten".

Dette lovverk kom til aa gjelda i Noreg som fyrebilslov like til 1607, i Danmark til 1685.

Kyrkjeordinansen inneheld seks hovudstykke:

I det fyrste korte stykke som gjeld "lærdommen til salighed" vert all vekt lagt paa tri ting: evangeliepreika, sakramenti og katekismeundervisningi, ( og der vert opprekna ymse emne som preika serleg skal handla um).

Andre kapitlet gjev utførleg rettleiding um ceremoniar, baade for gudstenesta og for alle prestelege hanlingar: um daglegottesong og aftansong i kyrkja av skuleborni - og serskilt fyreskrift av Bugenhagen um latinske kanoniske tider i domkyrkjor og kloster -, um sundagshøgnessa for folket, um preika, helgedagar, daap, avløysering, nattverd, ekteskap, presteval og ordinasjon, bannsetjing, vitjing av sjuke og fattige og dødsdømde, jordeferd, undervisning av jordemødrar og barselkvinnor, og um kvinnor som ligg sine born ihel.

Tridje bolken talar um dei latinske skularne, med plan for alle klassor, og for undervisningi vika igjennom. Deretter fylgjer eit viktig, men uordna kapitel - supplert i tillegget - um prestane, baade paa landet og i byarne, deira bustader, inntekter, kallsmaate, livnad, og enkjor, - vidare um tilsyni med kyrkjegodsset; um deknar, um dei fattige og um hospitali.

Femte stykket - som ogsa er supplert i tillegget - talar um superintendentane og deira medhjelparar provstane, og serleg utførleg um deira embetspliktaer m.m.

Det sjette stykket gjev rettleiding um gode bøker som landsprestane bør studera, og fyreskrifter um bokcensur.

Tilsist umhandlar ordinansen - blandt tilleggi fraa sumaren 1537 - munkar og nonnor og evangelisering av klostri, og likeins plikterne aat kanikarne i domkapitli, (eit emne som vert nærmare utgreidt i universitetsfundatsen). (Ribeartiklarne utfyller ordinansen med fyresegnar um prestevalet, jurisdiksjonen i ekteskapssaker, den kyrkjelege økonomi, hospitali m.m.).

## NOTER TIL KAP. VIII 2. Kyrkjeordinans og superintendentar.

1. 1934 6/4 10<sup>15</sup>-11. 8 tilh. Rekapitulasjon: 1934 7/9 10<sup>15</sup>-11. 9 tilh. Sjaa s. 1530.
2. Jørgen Friis 9. aug. 1538. Rørd. Mon. I, 233.
- 2b. Styge Krumpen 24/6 1542, ib. 237-41.
- 2c. S. 1530
3. NKS II, 24
4. Schumacher II, 260
5. Schumacher II, 260, I, 4.
6. NKS II, 24.
- 6a. DKL I, 9.
7. KhS. 5. VI, 153-9.
8. NKhS. II, 46-7.
9. NKhS VI, 119
10. ib. 123-24. APD VI, 490f.
11. NKhS VI, 120-1.
12. DN XVII 629.
13. NKhS VI, 121-2.
14. Müller, KG. II 1, 406. Aarsager, for hvilke protestanterne ikke vilde møde paa konc. i Mantova, dat. Schmalkalden 5/3 1537, umsett av Frats Wormordsen, tr. Kbh. 17. juli 1537.
15. Theiner, Schweden I, 309.
16. 17. april 1537. KhS VI, 159-61.
17. Schumacher II, 217-20, 17/4 37.
18. 16/5 1537. RD 2 \*77.\*78.
19. NKhS II, 41.
20. jfr. NKhS II, 43.
21. Laur. Nielsem, Danske Bibliografi 1482-1550, nr. 196. Facs. i NH. IV 1, 25.
- 21b Pontopp. Ann. III, 228-9.
22. Schriften des Vereins für Schleswig-Holsteinische Kirchengeschichte. 1. R. H. 18. 1934, s. 57-58.
23. Helveg I, 10-12.
24. D. Mag. 3. VI, 146, udatert. Det flg. brevet er fraa 23. aug. (Kr. 49).
25. D. Mag. 3. VI, 148, udatert. Jfr. s. 147 lin. 4-5, som er fraa 5. sept. (KR 56).
26. Domenica decem leprosorem (Luk. 17) = 14 s.e. Trin. = 15.s.e. Pinse: 2. sept. 1537. 26 august, som Nicolaysen og Bang meiner, er 14.s.e. Trin. N. Saml. I, 9. Bang, Ref. 28-29. Jfr. Rørdam i KhS 5.VI, 163 f.

27. 1934 10/4 11<sup>15</sup>- 12. 8 tilh.
28. D Kl. I, 106.
29. S. 1559-60
30. (p.III, art. 10).
31. Rørd. Mon. I, 209.
32. ib. 210, jfr. DKl. I, 3. jfr. 214.
33. Rørd. Mon. I, 216,220,224,228,234,237, DKL.I, 3.
34. DKl I, 3.
35. Dei er praktisk talt alle gaatt over i den Norske Kyrkjeord.  
av 1607, og er sidan upptekne uforandra i CV.D. ig N.L. 2-17.
36. DKl I, 106,115.
37. I, 106 f. 115.
38. I, 107.
39. I, 107.
40. I, 107 (jfr. Cr. 59).
41. CV.L.: paa 3 aar.
42. I, 115.
43. DKl I, 119 f.
44. DKl II nr. 66.368.369.
45. DKl II nr. 180.
46. I, 108.
47. s. ovenfor under e).
48. jfr. I, 202-3.
49. I, 112.
50. I, 112-13.
51. I, 204-5 (jfr. 104).
52. 1934 13/4 10<sup>15</sup>-11. 8 tilh.
53. (Jfr. forordningar av 23. august 1672 og N.L. 1687 2-21.)
54. sidan kalla: religionsprovstar.
55. I, 106.
56. I, 113-14.
57. I, 114. 99.
58. 1940 5/4 1015-11. 7 tilh. derihlandt sokneprest R. Bolling.
59. jfr. NKS III, 478 ff.
60. Fyreskriftene um tenarskap og løn i den danske ordinansen av  
1537 fall difor burt i den norske ordinansen av 1607 (jfr. bl.83b)
61. I, 117.
62. I, 131.
63. I, 129.
64. I, 132.
65. I, 117.
66. I, 116.

67. I, 116.
68. KLN. IV, 325.
69. DK1. I, 10.
70. KLN IV, 326, 327. jfr. Müller II 1, 349-50 um reformasjonsretten.
71. Uttrykket "av Guds naade" er ikkje maktuttrykk men tenar-uttrykk -  
jfr. Pauli ord i I. Kor. 15.10: Gratia Dei sum quod sum.
72. NB. F. s. 815-6.
73. NB ved ordinasjon av prestar og biskopar i den anglikanske kyrkja  
overleverar ordinator ein bibel til ordinanden.
74. 1934 17/4 11<sup>15</sup>-12. 8 tilh.
75. jfr. DK1. I, 117
76. jfr. Müller (cit.s. 1595) um jus reformandi.
77. um dess sjaa den aalmenne kyrkjesoga. Jfr. Taranger, Kirkeret, 38f.
78. Bang s. 68.
79. D Mag. 3. VI, 146.
80. P.Pall. Danske Skr. bd. V.
81. Reg. Dan. 2 \*128.
82. Univ. Lund 1539, Krag & Steph., Chr.III, Add. , s. 124 f.
83. 1940 22/8 10<sup>15</sup>-11 8 tilh.

## 3. Reformasjonsskipnaden innført i Noreg.

I Noreg var reformasjonsverket hovudsakleg fyrebutt ved aa lamslå riket politisk og ved aa gjera den gamle kyrkja rettlaus og maktlaus.<sup>1</sup> Det kyrkjepolitiske programmet, som so skarpt var utforma av Christiern I og av Christiern II, at bispeveldet skulde knekkjast, var gjennomført av Christian III.

Daa den norske kyrkja var gjort hovudlaus ved avtaking av bispedømet, var det ingen motstand lenger aa ottast. Etter erkebiskop Olavs flukt og Steinvikholms fall gjekk presteskapet ved metropolitan-kyrkja i Nidaros til Canossa, sa seg udelaktig i erkebiskop Olavs fraafall og mordet paa Vincents Lunge, fordømte hans burgundiske eventyrpolitikk, og uttala si gleda over det som var skjett<sup>2</sup>: "Gud være lovet for det som nu er, paa vor side"<sup>3</sup>. Kongen tilgav den gamle dekanus ved Nidaros domkyrkja, Knut Pedersson<sup>4</sup>, som hadde vore leidaren for forsvarer for Steinvikholm i erkebiskop Olavs fraaver, og tilsagde baade honom<sup>5</sup> og kapitelpresteskapet<sup>6</sup> si kongelege vern, - men paa det vilkaaret, at dei underkasta seg kongens reformats og ordinans, og kongen stadfesta privilegia aat kapitlet sovidt dei ikkje var i strid hermed. Dette var i mars 1538.

Daa denne utsoning millom reformasjonkongen og den mektigaste kyrkjelege institusjon gjekk fyre seg, var erkebiskop Olav ikkje lenger millom dei levande. Han avleid i Lierre i Brabant 7. februar 1538, og vart gravlagd ved høgaltaren i domkyrkja der. Det var soleis ikkje lenger nokon faare for at erkebiskopen skulde stilla seg som leidar av ei reisning, politisk eller kyrkjeleg, imot Danmark eller reformasjonen.

Der var i 1538 ei sterk antireformatorisk stemning i Noreg millom presteskapet. Ved fleire høve fekk Bugenhagen høyra um tilstaandet -: mange prestar i Noreg, serleg i Oslo bispedøme, tok parti for den gamle bispemakti imot kongen og evangeliet, og egde folket til opprør.<sup>7</sup> Der var ogso ein liten evangelisk minoritet, men fleirtalet hev utan tvil ynskt dei katolske biskopane tilbake. Av desse var Hans Rev paa frifot, og oppheldt seg i Odense.<sup>8</sup> Men etter at han offisielt hadde gjeve avkall paa sin bispestol, hev han vel vore for klok til aa vona paa aa vinna den tilbake ved ei katolsk reising i Noreg. Hans embetsbroder biskop Mogens av Hamar, som var tru imot den gamle kyrkja til det siste, sat fangen i Antvorskov kloster til sin daudsdag 3. oktober 1542, og den gamle biskop Hoskold av Stavanger avleid likeeins i fangenskap i Bergen, uvisst



naar.

For reformasjonsverket i vaart land var difor visseleg den klokaste politikk, kongen kunne velja, aa draga tidi ut. Etter at den latinske kyrkjeordinansen for Danmark "og Noreg" vart utgjeven (2. sept. 1537) og den fyrste evangeliske superintendenten var vigd (Geble Pedersson 2. sept. 1537), gjekk det burtimot tvo aar, fyrr Christian III gjorde noko nytt steg. D<sup>at</sup> skede fyrst etterat ordinansen var vedteken i si endelege form paa herredagen i Odense 14. juni 1539. Tvo av dei danske riksradaane, som var med paa herredagen og innsegla ordinansen, Trud Ulvstand og Klaus Bille, vart straks etter herredagen sendt til Noreg i kongens ærend. Dei var millom dei rikaste og mektigaste adelsmenn i Danmark, og med si andre fruva, den namngjetne Gjørvel Fadersdotter, dotterd<sup>ø</sup>tt<sup>er</sup> til den norske høvdingen Knut Alvsson, hadde Trud Ulvstand vorte eigar av eit umaatelegt jordegods i Noreg. Tvo gonger fyrr hadde Trud Ulvstand vore kongeleg kommissær i Noreg; saman med Klaus Bille og biskop Hans Rev hadde han i 1532 tinga Noreg under Frederik I etter Christiern II's korte kongedøme, og i 1537 hadde han vitja Trøndelag Hamar og Oslo for aa inndraga bispegodset und<sup>r</sup> krona. Hans Bille, som var bror til den siste erkebiskopen i Lund og gift med bror-d<sup>ø</sup>tt<sup>er</sup> til Trud Ulvstand, var lensherre paa Baahus og hadde vore medlem av Noregs riksråd, og ein av erkebiskop Olavs motmenner.

Desse tvo danske hovdingane vart sendt til Noreg paa kongens vegner for "at hjelpe hver mann til lov og rett", og hadde serleg det ærend aa faa kyrkjeordinansen vedteken i Noreg og aa gjennomføra visse lempingar som var turvande etter norske tilhøve. Christian III hadde tydeleg nok oppgjeve sin plan um sjølv aa koma til Noreg og skipa desse brigde, og sendte i staden dei adelege kommissæraane. Superintendenten i Bergen Geble Pedersson vart tilsk<sup>er</sup>ka av kongen til aa vera med dei tvo danske riksradaane og ordna dei kyrkjelege tilhøve.

Der vart tilsagt tvo møte, eit i Oslo ved Jonsoktid, eit i Bergen ved Olsoktid<sup>9</sup>. Forhandlingane paa desse viktige møte er lite kjende. Berre um Oslo-møtet veit me noko nærmare, etter meldingar fraa Geble Pedersson og dei kongelege kommissæraane<sup>10</sup>. Møtet vart søkt av kapitli i Oslo og Hamar, presteskap, adel, borgarar og bønder sunnanfjells. Lensherren paa Akershus, den danske adelsmannen Peder Hanssøn Litle var med. Møtet var samankalla for - som mester Geble segjer - "at handle i det enfoldigste om religionen ". Og i samhøve med det paalegg som kongen hadde gjeve honom "om den geist-

lige stat...at skaffe her udi riget", hev mester Geble teke ordet paa møtet"ok der undervist ok foreholdet kaniker ok clericici" kongens "ordinants ok skikkelse derom". Etter at mester Geble hadde tala til presteskapet, la dei kongelege kommissærane saki fram for leikfolket; dei hev "derpaa undervist baade ædel ok uædel, borgere ok bønder, samt menige forsamlede almue", at det var kongens "vilje ok begjer, at saa holdis ok brugis skal, som mester Geble dem undervist haver". Hertil svara baade geistlege og verdslege "at de gjerne ville rette seg efter slig ordinants og skikkelse" som undersaattane gjer "andersteds" i kongens "lande og rige", og dermed hev daa møtet "velvillige indgaaet ok annammet Eders Naadis christelige ordinants".

Eit tilsvarande møte um same sak torer vera halde i Bergen same sumaren, ikkje Olsoktid, soleis som fyrst tilsagt, men i august, fyre Barsok.<sup>11</sup> Fraa dette møtet hev me ikkje nokor melding. Men ein torer gaa ut ifraa, at likesom Ordinansen er vedteken for Oslo og Hamar bispedøme paa møtet i Oslo, er han ogso vorten vedteken for Bergens og Stavanger (?) bispedøme paa møtet i Bergen.

Paa baae stader utferda dei kongelege sendemenerne ei rettebot um baade verdslege og kyrkjelege tilhøve - ho er vorti kalla Trud Ulvstands og Klaus Billes Recess,<sup>12</sup> og er dagsett i Oslo 24. juni og Bergen 21. august; Bergensutgaava inneheld nokre fleire artiklar. Av dei 26 artiklane, som recessen inneheld i baae utgaavor tilsaman, vedrører 9 kyrkja, dei gjeld økonomiske spursmaal og fastslær i det heile gjeldande norsk rett. Recessen torde vera det fyrste steget til aa innfria lovnaden aat kongen i den danske ordinansen um ei supplerande sernorsk kyrkjelovgjeving, tilmaata etter lokale tilhøve i landet. - Recessen vart stadfesta paa vegner av kong Christian III ved hyllingsherredagen i Oslo 1548, og atter av kong Frederik II i 1567.<sup>13</sup> Fleire tillegg kom der ikkje, solenge Christian III var konge<sup>14</sup>, og nokon serleg norsk kyrkjeordinans enn mindre. Den reformatoriske hovudlov i Noreg var og skulde vera den danske ordinansen, og sjølvsagt i den form han var vedteken i Noreg, ikkje den latinske fraa 1537, men den danske fraa Odense 1539.

Me veit ikkje at der vart halde noko serskilt møte til vedtaking av ordinansen i Trondheims bispedøme. Derimot inneheld recessen lovfysesegner, ogso kyrkjelege<sup>15</sup> som gjeld denne landsluten.

Det var ved desse møti um sumaren 1539, at det norske folket gav si tilslutning til reformasjonen. Visseleg var det ei tilslutning, som var framtvingi av politiske tilhøve, og som var lite eller inkje fyrebytt paa aandeleg maate. Men det var i alle fall ei ved-

taking av den nye kyrkjeskippnaden i lovlege former.

1539 er soleis det eigentlege reformasjons-aaret i Noreg, ikkje 1536 eller 1537.

Det som no fyrst og fremst kravdest, var at den norske kyrkja fekk dei tilsynsmenner ho trengte, slik at den vedtekne reformasjonsskippnaden kunde verta gjennomført baade i det ytre og i det indre. Inntrengjande heldt baade mester Geble og dei kongelege sendemenerne i 1539 fram for kongen, kor naudsynlegt det var. Fraa Oslo-møtet skreiv mester Geble soleis: "Fordi (d.e. difor) er menige almue, lærde ok ulærde, køpstadsmenn ok bønder, alle deris ødmigste bøn ok begering, at Eder Naade ville verdist mildelig at unne ok tilskikke dennem en lærd mann, til en superintendent, at de maatte komme til Evangelii rette forstand". "Ok er det saa, at de ikke faa nokon superattendent her hos denem i dette stikt besindendes, er det fryktendes, at christelig religio bliver føge aktet".

"Tykkes oss hverken det ene eller det andet nogen gjenge at have derom," skreiv dei kongelege sendemenerne, "med mindre end at Eders Naadis Hogmegtighet en superintendent hid forskikkendes vorder, som ideligen er her tilstede, undervisendes denne menige mand svodan ordinants ok skikkelse".

Ein kunde ha venta, at presteskapet paa Osломøtet sjølv hadde valt nye tilsynsmenn for Oslo og Hamar bispedøme. Men "her er ingen som trøster seg til at annamme officium superattendentis", skreiv mester Geble fraa Oslo 1539. - Reformasjonen var komen for braadt paa nordmennerne; ingenting viser betre emn denne raadløysa, at det nye var ufyrrbrett. Der var knapt nokon i presteskapet som kjente synderleg til kva den nye kyrkjeskippnaden kravde. Enn mindre hadde Noreg fostra nokon reformator. Og Danmark hadde sjølv bruk for alle sine krefter. Derfor fekk det norske kyrkjeskippet driva vidare det eine aaret etter det andre. Dette høvde vel saman med Christian III's træneringspolitikk. Faaren for katolsk reaksjon vart mindre di lenger tidi leid. Og daa det endeleg kom so langt, at kongen utnemde superintendentar, fann han ingen vaagnad ved aa velja folk som høyrde den norske kyrkja til. Tvert imot maatte det synast naudsynlegt, at det vart valt menn som kjende norske tilhøve, anten fødde nordmenner, eller tidlegare innflutte danskar. Um ein her paa dette stadium la tilsyni med den nye evangeliske kyrkja i Noreg i henderne paa heilt framande reformatorer, vilde kongen skapa vanskar for det norske reformasjonsverket, um ikkje beint fram setja det i faare. Det fyrste laget med evangeliske superintendentar i Noreg kom difor - som me skal sjaa - til aa faa nasjonal

samansetjing. Men i andre leden vart tilsyni med den norske kyrkja lagt i hendene paa danske menner, som aldri hadde sett sin fo<sup>t</sup> i Noreg fyrr, og det var sidan i lange tider undantaket at ein nordmann vart kalla til biskop i Noreg.

Den danske kyrkjeordinansen som i 1539 var vedteken av presteskap og leikfolk i Noreg, fyreskreiv, at den evangelis læra skulde preikast klaar og rein, at den rette sanne tru skulde forklarast i barnelærdommen, og at sakramenti skulde utdelast etter Guds ord.<sup>16</sup> Ordinansen gav fyreskrifter um, paa kven maate alt dette skulde skje, men inneheldt ikkje sjølv nokor framstilling av den nye evangeliske læra.

Og i den norske kyrkja var kjennskapen til dei reformatoriske tankane saare mangelfulle. Ingen nordmann hadde enno studert ved Luthers og Melanchthons universitet i Wittenberg<sup>17</sup>, - ingi reformatorisk skrift var utgaatt fraa nokon norsk penn, heller ikkje mester Geble Pedersson kjennte kall til aa staa fram som lærefader for sine landsmenner.

Rettleidingi um læra laut koma fraa Danmark, og soleis gjekk det atter tvo aar. Paa det danske bispemøtet i Kjøpenhamn 1540 vart superintendenten over Sjælland dr. Peder Palladius oppmoda av ein av sine embetsbrødrar<sup>18</sup> um aa skriva ned sine "aandelege tankar" til hjelp for sokneprestane i Danmark. "Men - segjer Palladius - det var meir naudsynlegt, at eg paa denne maaten tente vaare norske brødrar. For dei hev alt ei tid vore ilde medfarne og ligg der som sauder utan hyrding".<sup>19</sup> Difor skreiv Palladius paa latin ei "stutt forklaring av katekisma for norske sokneprestar" - Breviis exposito Catechismi pro parochis Noruegianis, per Doctorem Petrum Palladium", som kom ut i prenten i Kjøpenhamn 1541. Denne korte, klaare og greide hjelpebok, som forfattaren tenkte til aa lærast utanaat, - ho er paa 60 smaa blad -, gjev i spursmaal og svar den evageliske katekismekunnskapen um ti-bodordi, aposteltrui, fadervaar, daapen, nattverden og avløysingi. Boki hev i sanning stetta eit sakk, - i 1540-50-aari, i Palladius's levetid, kom ho stadig i nye opplag (10 utgaavor er kjent fraa 1541-1559)<sup>20</sup>, og Melanchton skreiv fyreord til henne (1551).

Katekismeforklaringi for dei norske sokneprestane hev Palladius dagsett 26. juli 1541. I etterordet til boki nemner han, ved sida av Geble Pedersson, ein superintendent som "nyleg er utnemnd" til Stavanger bispedøme, Herr Jon Guttormsson, som kongen kalla til

dette embetet i juli 1541<sup>21</sup>, fire aar etter mester Geble, var av gamal norsk ætt; far hans var lagmann i Bergen, og av same ætt var fleire biskopar paa Island paa 14-1500-talet utsprungne.<sup>22</sup>

Um Herr Jons fyrrtid er mest inkje kjent; men titelen hr. viser at han hadde vore katolsk prest; han var i 1537 medlem av Stavanger domkapitel.<sup>23</sup> Det er ogso ukjent, um han er blitt innført i den evangeliske læra av Geble Pedersson i Bergen, eller av nokon dansk reformator. I alle fall var han i Danmark, daa han vart utnemnd, og vart uppsendt til Noreg med kongens ordinans for aa gjennomføra den i Stavanger bispedøme og "have tilsjun, at Guds ord rent ok klart predikes ok leres, ok religionen ved magt holdis der over alt stigtet".

Lenger fram paa same aaret fekk ogso Austlandet tilsynsmann. Det var Christian III's plan aa slaa saman Oslo og Hamar bispedøme til eit stift, halda vedlike Oslo domkyrkja<sup>24</sup> og bryta ned Hamar domkyrkja. Lensherren paa Akershus, Peder Hansen, fekk ordre um dette, men han svara kongen soleis (27/3 1540):<sup>25</sup>

Som Eders Naade skriver meg til om Hammers Domkirke at lade nedrive, om der er ikke for megen søgning til, da skal E. N. i sanhed vide, at det er ingen sognekirke, ok ikke heller søger der noget folk til, uten to eller tre prester bor der hos. Dersom E.N. vil have den nedbrøtt, at E.N. vilde da verdis til at skrive (Lensherren paa Hamarhus) Otte Andersen til, og give hannum E.N. brev til bønderne der i lenet, at de maatte vere hanum behjelpeligen at nedbride samme kirke. Ellers stander han ikke lettelig til at nedbride".

Hamar domkyrkja fekk likevel staa. Men dei tvo bispedømi vart samanslegne, og i oktober 1541 utnemnde kongen den fyrre katolske biskopen i Oslo Hans Rev til "superintendent i Oslo stikt og Hammer stikt"<sup>26</sup>. Lensherren paa Akershus fekk paalegg um aa innføra han i enbetet, skaffa honom bustad, gjeva honom tilbake hans eiga og husbunad, som var honom fraateken i 1537, og hjelpe honom med noko matvare"smør ok annet, til at begynne med".

Kva tilhøve Hans Rev paa den tid stod i til reformasjonen, er ukjent. Me veit ikkje noko nærmare um honom fraa han tok avskil som biskop og til han vart utnemnd til superintendent, anna enn at han i 1538 oppheldt seg i Odense. Han var visseleg fullt ut katolik like til han vart tvungen til aa leggja ned bispedømet. I eit brev til erkebiskop Olav 1535 untalar han paveskiftet paa ein slik maaate, at det er tydeleg han reknar St. Peters etterfylgjar som sin aandelege fader. Den reformatoriske paaverknaden han tileigna seg, og

som gjorde honom akseptabel for Christian III som superintendent, var ikkje meir djuptgaaande enn at han i 1542, faa maanader etter si embets-tiltreding, let seg kalla med sin gamle titel: "med Guds naade biskop i Oslo"<sup>27</sup>. Kongen var heller ikkje heilt trygg paa han; han gav hovudsmannen paa Akershus paalegg um aa ha tilsyn med at Hans Rev ikkje gjorde istand "hemmelige befestninger" i den gamle bispegarden, der han no hadde faatt sin residens.<sup>28</sup>

Hans Rev hev likvel som superintendentet vore heilt lojal mot kongen. Daa han av lensherren vart innført i sitt embete paa eit provstemøte for Oslo bispedøme i Oslo, "forkynte han ordinansen for alt klerkeriet" og paa same maate vart han innført i Hamars bispedøme.<sup>29</sup>

Soleis hadde den norske kyrkja, fire aar etter reformasjonsaaret, endeleg tri tilsynsmenn over fire av bispedømi. Men ennå fire aar seinare var ein ikkje lenger komen, erkebispedømet hadde erno ingen superintendent. Naar kongen drygde so lenge her, var grunnen visseleg den, at i erkebispedømet hadde opposisjonen imot danskeveldet og reformasjonen vore sterkast og hadde vara lengst. Og ein kunde ottast at den aand, som hadde gjort Noregs siste katolske erkebiskop til slik ein umedgjerleg motstandar av reformasjonspolitikken, kunde leva uppatt i hans avløysar, den fyrste evangeliske superintendenten. Christian III hev forstaatt aa vurdera makti i dei tradisjonana, som levde i metropolitanstaden Nidaros, og difor hev han sett ut i det lengste med aa velja ein kyrkjeleg reformator til erkebispedømet.

Lensherren paa Steinvikholm Christoffer Huitfeldt (1537-41(42)) fekk av kongen "Befaling paa, at beskicke Kircker oc Skoler der udi Lønit, oc dennem at lade reformere, eftersom her udi Danmarck holdis"<sup>30</sup>.

Paalegget minner um ordren til Esge Bille 17.juni 1537 (s. ) men er visseleg utgjeve etter at den latinske ordinansen var publisert, mogleg etter at den danske var godkjend (1539), og staar i siste fall i samanheng med Trud Ulvstands og Claus Billes sendeferd til Noreg 1539.

Kva Huitfeldt hev gjort, er ukjend. Mogleg hev reformen av kapitlet (10/9 1539) samanheng med hans oppdrag, enndaa dette ikkje utrykkeleg er uttalt av kapitlet.<sup>31</sup> I 1540 lova lektor Bernardus (lektor i dominikanerklosteret?)<sup>32</sup> aa halda fram som skulemeister det aaret, "og tage vare paa Skolen bedre end han pleide"<sup>33</sup>.

Trondheims kapitel var ein mannsterk korporasjon paa 20 medlemmer, og aatte baade sjølvkjensla og nasjonal aand, trass i den audmykande

underkasting under kongen i 1538. Til Knut Pederssons ettermann som dekanus valde kapitlet mester Torbjørn Olavsson Bratt. Me hev fyrr lært honom aa kjenna som ein trufast tilhengjar av erkebiskop Clav (1533) og ein varmhuga ven av Noregs sak. Han hadde vore lærar for den unge kongssonen Hans<sup>34</sup>, Christian III's yngre broder, og denne tilknytning til kongehuset gjorde honom sjølvskriven til sendemann fraa kapitlet til kongen i 1538 for aa faa istand utsoning. Dette lukkast; men Christian III hadde ikkje den tillit til mester Torbjørn som til mester Geble Pedesson, at han vaaga aa setja han til superintendent. Kapitlet nyorganiserte seg i 1539 og umarbeidde sine konstitusjonar<sup>35</sup>. Men daa kongen i 1541 utnemde tvo nye tilsynsmenner i Noreg og framleides let Trondheims erkebispedømme vera hyrdingslaust, vart kapitlet utolmodugt, og skreid til val paa superintendent for stiftet, - dei valde mester Torbjørn, og søkte 11. januar 1542 um stadfesting paa valet; søknaden vart paa heilt korrekt maate innsendt til kongen gjennom lensherren, hr. Christoffer Huitfeldt.<sup>36</sup>

Kongen fann heller ikkje denne gongen aa kunna utnemna mester Torbjørn til superintendent, - truleg av di han ikkje hadde full tillit til hans evangeliske standpunkt eller kunnskap. I staden vart han sendt til Wittenberg for aa studera, og er innskriven der 12. november 1542, som "magister Hafniensis"<sup>37</sup>.

Mester Torbjørn er den fyrste nordmann som hev studert i Wittenberg - 25 aar etter 1517 ! Han oppheldt seg her i tvo og eit halvt aar, og kom i denne tid under direkte paaverknad av Luther og Bugenhagen. Han var ei stund kostgjengar i Luthers hus og bordfelage med reformatoren. Han slutta seg heilhuga til den evangeliske kyrkja, - eit vitnemaal um det er, at han sendte Christian III Luthers nyaste bok, "Wider das Papsttum in Rom vom Teufel gestiftet" (mars 1545), den kvassaste og grovaste skrift som gjekk ut fraa Luthers penn imot pavedømet.<sup>38</sup>

Daa mester Torbjørn for heim fra Wittenberg i april 1545, fekk han eit godt ord av reformatorane. "Den befehl' ich unterniglick E.K.M." - skreiv Luther (14. april 1545) -; "es ist ein feiner gelehrter mann; hoffe Gott solle viel Frucht und gut's durch ihn schaffen, welch's ich auch von hertzen bitte und wunsche".<sup>39</sup> - Utførlegare uttala Bugenhagen seg (12. april 1545), - hans ord gjev ogso eit levande inntrykk av, kor store hindringar og mødor det ventar en reformator i Noreg:

"Magister Torbertus, E.K.M. wol bekannt, hat sich bei uns erbar gehalten, er ist gelert, from, sittig, verständig. Er kann viel gutes thun in Norwegen, ohn allein befürchtet er sich, ihm müchte zu viel aufgelegt werden, das er nicht tragen konnte, weil in Norwegen gar keine hilfe ist, denn allein von gemeinen pfarrherrn, die selten zusammen können kommen, und Ihrer nicht viel wissen. E.M. aus hohem Verstand wird wol wissen, wie solcher Mann zu gebraucher sei, dass er dennoch etwas zu thun habe. Ich habe Ihn getrøstet, dass wir ja müssen Christo sein himmelreich bauen helfen; Gott wird uns in dem arbeit wol stärken."<sup>40</sup>

Daa mester Torbjørn kom tilbake til Kjøpenhamm, heidra universitetet honom som ein av sine tidlegare lærarar med ei sending vin.<sup>41</sup> Han fekk vitnemaal fraa høgskulen her um, at han baade ved lærdom og levnad var skikka til tilsynsembetet, og umsider stadfesta Christian III han<sup>s</sup> val til superintendent i Trondheim, 6. januar 1546, -<sup>42</sup> "dog at han skal vere oss ok vore efterkomere koninger udi Danmark ok Noreg huld ok tro, ok have flittig tilsjun paa religionen, saa at det hellige evangelium ok Guds ord predikis ok leres rent ok klart for den menige mand over alt Trondhjems stigt efter vor ordinantses ljudelse".

Det var no paa niande aaret sidan erkebiskop Olav for fraa landet.



## NOTER TIL KAPITEL VIII, 3:

1. 1934 20/4 10<sup>15</sup>-11, 1934 14/9 9<sup>15</sup>-10. 15dlt. Rekapitulasjon.
2. DN XII nr. 583
3. DN XII nr. 578
4. DN XII nr. 587
5. DN XII nr. 587, 13. mars 1538.
6. DN XII nr. 647, 14. mars 1538.
7. J. Bugenhagen til C. III, Kbh. 2/7 1538. Schumacher, Gel. M.Br. I, 22
8. Bugenhagen 2/7 38, l.c.
9. Dkl. I, s. 48. jfr. NRR I, 57-8.
10. DN I 1091. XV 550.
11. M. Trud Ulvstand og M. Geble i Bergen aug. 1539. DN X s. 709
12. Paus II, 291-8. Kragh & Steph. II, 327-31, 331-6. NRR I, 555-60.
13. Paus II, 308. NRR I, 555f.
14. NB. Rec. 1548. Paus II, 307-9. Johnsen, Ståndermøder I, 12 (tendereddelen § 5).
15. art. 5 og 6.
16. 1934 24/4 11<sup>15</sup>-12. 8 tilh. 1940 22/8 11<sup>15</sup>- 12. 8 tilh. Dkl. I, 49-51.
17. S. Thormodsæter i NTT. 1912 og 1917.
18. Johann Wandal, superintendent i Ribe.
19. Brevis exp. s. 67-68
20. Laur. Nielsen, Dansk Bibliografi: Kbh. 1541, Kbh. 1542, Magdebg. 1547, Wittenbg. 1552, Lübeck 1553, s.l. 1553, Kbh. 1556, Witt. 1557, Kbh. 1559, Frankf. 1559.
21. D. Mag. 3 VI, 302, udat. Fyregaaande (s.300) og etterflg. (s.303) brev er dat. juli 1541.
22. A. Espeland.
23. DN XVI 590.
24. NRR I, 56 = D Mag. 3 VI, 195
25. DN XIII 658.
26. D. Mag. 3 VI, 310.
27. DN IV 1118.
28. DN XV, s. 686
29. Theol. T. 3. I, 510-1
30. A. Huitfeldt, Danm. R. Krøn. folioutg. II, 1499.
31. DN XII 594.
32. jfr. DN VII s. 670. XI nr. 581.
33. R. Nyerup, Hist. Statsrt. Skildring af Tilst. i Danm. o. Norge i ældre og nyere Tider III 1, 66.

34. jfr. DN VII 621
35. DN XII 594.
36. DN V 1105.
37. Thormodsæter, GVS. Forh. 1917 No. 1, s. 8-10. Jfr. D Mag. VI, 299-300.
38. Schumacher I, 39.
39. Schumacher II, 265.
40. Schumacher I, 40.
41. DMag. 3. VI, 23
42. DMag. VI, 294-5.

## 4. Færøyane og Island.

Til Noregs rike og den norske kyrkja hørde ogso Færøyane som var eit lite bispedøme for seg, og Island med sine tvo bispedøme Skálholt og Hólar.<sup>1</sup> Desse land var enno i slutten av millomalderen knytt til Noreg med mange band, og det var ein konsekvens av reformasjonsverket i Danmark og Noreg, at der ogso i dei norske utbygdene vart gjort den same umskiping med bispemakti og gjennomføring av eit trdomskifte.

Ei stutt utsyn over dei viktigaste ytre hendingane her høyrer difor med i den norske reformasjonsoga, - og det so mykje meir som kyrkja i Noreg framleides i reformasjonsaari paa fleire maatar heldt ved like det organisasjonsvorne og personlege sambandet med utbygdene fraa millomalderen.

Paa Færøyane var Amund Olavsson biskop sidan 1533. Han hadde fenge si utdanning av kongen, Frederik I, som dermed ogso i den norske kyrkja tok til aa praktisera den nye regelen, som fulgde av brotet med Rom i den danske kyrkja, nemleg at kongen og ikkje paven stadfesta eller utnemde biskopar. Og samstundes søkte Frederik I, likesom i Danmark, aa opna ein veg for reformasjonen ved bispetnemningi, ved aa krevja av biskopen, at "Guds ord og hellige evangelium" skal preikast og lærast i alle kyrkior der i landet.<sup>2</sup> Men likesom dei danske biskopane, som var utnemde av kongen med liknande forplikting, fekk biskop Amund avskil ved reformasjonen, - naar og paa kva maate er ukjent -, og bispegodset vart lagt under kongen: i 1545 laag det beinste under den kongelege rentemeistereen,<sup>3</sup> men tvo aar seinare gav kongen det i len til ein storkjøpmann i Hamburg.<sup>4</sup>

Til superintendent vart sett Jens Gregersen Riber, ein dansk mann, som var kalla fraa Kjøbenhavn til kapellan ved domkyrkja i Bergen<sup>5</sup>; han var i embetet i 1551,<sup>6</sup> men var daa ein mann paa 70 aar. Det torde vera Geble Pedersson som hev peika han ut. - Biskop Amund budde etter si avsetjing paa Færøyane i fleire aar, men han fekk i 1551 ei skarp tilrettevisning av Kongen, fordi han levde saman med ei laus kvinna.<sup>7</sup>

Av største interesse er reformasjonskampen på Island - Den hev den same mektige og ville karakter som fyller so mange periodar av historia aat den merkelege sogu-øyi i millomalderen.

Dei tvo siste katolske biskopane paa Island, Ógmund Paalsson i Skaalholt og Jon Arason i Holar - som baae hadde fengi si vigsla

i Noreg - var paa mange maatar sermerkte og uvanlege menner. Dei hadde baae tvo i fullt mon dei sterke og veike sidorne som karakteriserar det islandske episkopatet i det siste hundradaaret fyre reformasjonen, og er i so maate klassiske representantar for sitt stand. Dei var baae kraftige menner og dugande styrarar av sine bispedøme, men maktkjære og ærgiruge. Dei var hovdingar i framferd, byrge og gjevsmilde.

Ógmund Paalsson i Skaalholt (1466-1541) hadde vore klostermann, abbed i Viðeg, og der var ikkje noko aa segja paa hans sedelege livnad. Men han var umsynslaus og eigenraadug, oppfarande og umedgjerleg.

Jon Arason i Hólar (1484-1550) var aandeleg rikare utrusta enn sin embetsbroder, han var ein god skald, og hans religiøse dikting kjem nær upp imot det beste av det slaget i seinmillomaldere, ikkje berre paa Island, men i Norden. I si embetsferd for han vyrdeleg aat, som det sømde seg hans stilling. Men som det var vanlegt paa Island i den tid, levde han ikkje i cølibat; med si fylgjekona Helga Sigurdsdotter hadde han fire søner og tvo döttrar, som han vedkjente seg offentleg og ættleide. Og i sine site aar fekk han den beste studnad i sin kamp for den gamle kykja av sine djerve og kloke søner.

Desse tvo biskopane var i den fyrste tid uvener, og det er illustrerande for tidi og tilhøvi, at dei i 1526 møtte paa Altinget med kvar sin her, Jon med 900, Ógmund med 1300 væpna menner, fast budde paa aa avgjera striden med sverd. Gode og vituge menner gjekk imillom, og saki vart avgjord ved tvekamp, forlik vart gjort<sup>8</sup>, og tilhøvet millom biskopane var sidan retteleg godt.<sup>9</sup>

Ingen av biskopane var lærde menner, men paa den andre sida er deira kunnskaper utan tvil undervurdert av ei seinare tid. Biskop Ógmund var fullt ut kunnig i latin, - det viser hans lukk-ynskingsbrev til pave Clemens VII 1523<sup>10</sup>; det er sagt, at biskop Jon ikkje var det, men det lyder utrulegt, Paa eit umraade var Jon i allefall paa høgde med si tid, - han hadde syn for bokprentekunsten og tok den i bruk paa Island over hundrad aar fyre nokor bok vart prenta i Noreg. Her innkalla ein svensk prest Jon Matthiasson, med eit lite prenteverk, som han dreiv i 1530-aari paa Hólar og Breiðabólstað.<sup>10b</sup> Her vart det trykt fleire kyrkjelege bøker, fyrst og freimst eit nytrykk av Nidaros-Breviariet, som kom ut paa Hólar i 1534; eit par blad av det er nyleg attfunne i Stockholm, det einaste som no er til av denne eldste trykkte islandske bokskatten.

Ved denne tid tok Lutheriet til aa verta kjent ogso paa Island. I 1533 var baade Altinget<sup>11</sup> og biskop Ögmund<sup>12</sup> paa vakt imot villa. Tvo unge islendingar er aa nemna millom dei fyrste som vart paaverka av reformasjonen. Den eine var Odd Gottskalksson, ein son av den norskfødde biskopen i Hólar Gottskalk Nikolasson (+1520) og syskenbarn til den fyrste evangeliske superintendenten i Stavanger Jon Guttormsson. Odd var blitt oppfostra hos farbror sin i Noreg, og kallast difor Odd norske. Han gjekk paa skule i Bergen, før utanlands i Danmark og Tyskland, og daa han kom heim til Island og gjekk i tenesta hjaa biskop Ögmund, umsette han her i løyndom det nye testamentet "til norrønt", d.e. det gamle norske maalet, soleis som det framleides var i bruk paa Island. Umsetjingi er gjord noko etter Vulgata, noko etter Luthersk tyske NT.; ho vart gjennomset av professorane ved Kjøpenhamns universitet, og kom ut i prenten med kongelegt privilegium i Roskilde 1540, "til undervisning i sæla for den menige mann".<sup>13</sup> Odd heldt fram med umsetjing av religiøse bøker, men gjekk ikkje i kyrkjetenesta og døydde som lagmann paa Island 1556. - Den andre var Gissur Einarsson, ein fatig, men gave-rik islandsk bondeson, som paa biskop Ögmunds kostnad vart halden i skule i Hamburg i tri aar og her vart paaverka av og vunnen for reformasjonen. Men han forstod aa løyndu sitt huglag so vel, at biskopen let si mistru til honom fara.

Under kongeløysa etter Frederik I sette Noregs riksråd dei tvo islendske biskopane til landsstyrarar (hirdstjorar) over Island. Biskop Ögmund slutta seg til erkebiskop Olavs antidanske politikk, og forhandla med honom paa ei sendeferd til Nidaros; men det var for seint, og sosnart Christian III hadde vunne Danmark, sendte han ein av sine menn, den pommerske adelsmannen<sup>14</sup> Claus van Marwitz til Island som hirdstjore (utnemd 25/12 1536)<sup>15</sup>. Paa biskop Ögmunds sendeferd til Noreg var den unge Gissur Einarsson med; erkebiskopen likte han vel og gjorde han til sin fyrelesar. Men paa heimferdi fraa Noreg til Island vart sendemennene fanga av Esge Bille, hovudsman nen paa Bergenhus, som hadde mistru til folk som kom fraa erkebiskopen.<sup>16</sup> Men Geble Pedersson, som var god ven med biskop Ögmund, bad deim laus, og dei fekk fara heim til Island.<sup>17</sup> Eit aars tid eller so seinare fekk Gissur eit vakkert lite oppmaningsbrev fraa mester Geble, som daa var blitt evangelisk superintendent i Bergen; det er skrive 22. febr. 1538 og er eit sympatisk uttrykk for det milde huglaget hjaa den norske reformatoren:<sup>18</sup>

"O mi frater in Christo predilecte, labora in vinea Domini et certa

bonum certamen, ac eius sincerum verbum semina, ut possit aliqquando in tua terra ferre fructum in patientia. Dominus Jesus Christus dabit robur et fortitudinem". Baade mester Gebles og Gissurs evangeliske hjarta talar i desse ordi.

Men biskop Ögmund hadde so stor tillit til Gissur, at denne no vart hans høgre hand, serleg etter at den gamle biskopen var blitt heilt blind. Um sumaren 1538 kom Christian III's kyrkjeordning til Island. Merkelegt nok gav biskop Ögmund ordinansen delvis godkjenning - nemleg sovidt det galdt trui og dei 10 guds bodord og kravet um, at det heilage evangelium skulde preikast um sundagen, - det var slike fyreskrifter som fraa gamalt hadde sitt rom i den katolske kyrkjeskipnaden. Men dei andre fyresegnerne - og det var jo meste-parten av ordinansen - rekna ikkje for aa vedkoma Island, og noko umskifte i gudstenesta vilde han ikkje vera med paa.<sup>19</sup>

Men det vara ikkje lenge fyrr biskopen fekk augo fullt upp for tendensen i ordinansen, og i eit maktfullt hyrdingsbrev fraa 12. mars 1539<sup>20</sup> forbaud han den nye villa i sitt bispedøme inntil paven og kæsaren avgjer striden, han innskjerpte Guds lov og Sankt Olavs - d.e. den kanoniske rett og kristenretten - og formana alle til aa halda fast ved den gamle og apostoliske tru og forbaud alle nyinger og sedløysor.

Men paa same tid oppmoda han landsfolket til aa hylle Christian III<sup>21</sup>, og han valde Gissur Einarsson til sin ettermann, søkte kongen um avskil og bad han stadfesta Gissur (1. juli 1539).<sup>22</sup>

Christian III hadde daa gjort det fyrste steget til aa sekularisere dei islendske klostri. Han overdrog biskop Ögmunds tidlegare kloster Viðeg til hirdtjoren Claus van Marwitz<sup>23</sup>, og pinsemorgon 25. mai 1539 overfalt danskarne klosteret, under førarskap av tyskaren Didrik van Minden, Claus van Marwitz's skrivar, jaga kanikane og klosterfolket ut av sine senger, mishandla deim skammeleg, og rana og førte burt alt som fanst av pengar og verdisaker.<sup>23b</sup> Biskop Ögmund, som ynskte aa draga seg attende til Viðeg naar han la ned embetet, bansette Claus og Didrik.<sup>24</sup> Men Didrik, som no hadde fenge hirdstjore-embetet over Island overdrege av Claus<sup>25</sup>, vart overmodig, - han etla seg til aa gjesta dei andre islendske klostri paa same maaten, og paa vegen før han til bispegaarden i Skaalholt, skjellte ut den gamle blinde biskopen, og bar seg so grovt og brutalt aat, at dei kringbuande bønderne samla seg og drap Didrik (10. august 1539); ein tolvmannsrett dømte han som ubotemann, fallen paa sine gjerningar.

Gissur Einarsson fór til Danmark same sumaren, og framstillte stillingi paa Island slik for kong Christian, som um alle, baade geistlege og verdslege, var viljuge til aa samtykkja ordinansen aat kongen.<sup>26</sup> Gissur vart prøvd ved universitetet i Kjøbenhavn og fekk 15. mars 1540 kallsbrev av kongen til aa vera superintendent over Skaalholt stift med plikt til aa "have godt ok flittig opseende paa religionen, saa at det hellige evangelium, Guds rene ord, prædikes og læres klart og rent for den menige mand... efter vor ordinantsis ljudelse."<sup>27</sup> Daa han kom heim, avstod biskop Ógmund bispestolen,<sup>28</sup> og Gissur vart godkjend av presteskapet og altinget.<sup>29</sup>

Det dubbeltspele, som Gissur hadde ført imot biskop Ógmund, gjennomførte han vidare imot presteskapet. Ved si embetstiltreding gav han ei tvetydig fraasegn um aa vilja regjera etter den gode gamle heilage kyrkjelov og kristenretten, "sovidt dei synest lovlege og naudsynlege" og "ikkje strider imot Guds sanne lov",<sup>30</sup> - og slik som han "veit at rettast er og sannast fyr den allmechtige Gud"<sup>31</sup>

Men desse uklaare lovnader var utilfredstelloande for det mektige katolske partiet paa Island, og paa same alting vedtok islendingane nordan og vestan, med biskop Jon og lagmannen i brodden ein kraftig protest mot den nye kyrkjeseden<sup>32</sup> og den ukanoniske maaten aa utnemne kyrkjelege embetsmenner paa. Biskop Ógmund angra, at han hadde hjelpt Gissur til aa verta hans ettermann, la honom hindringar i vegen, og nærma seg til Jon Arason, og planla ei reising imot trdomsskiftet.<sup>33</sup>

Daa sendte Christian III lensherren paa Steinvikholm Christoffer Huitfeldt til Island med kongeleg fullmakt.<sup>34</sup> Han kom upp tidleg paa sumaren 1541, og etter aa ha raadført seg med Gissur superintendent let han den 80 aarige biskop Ógmund taka til fange i si seng tidleg um morgonen paa garden Hjalle, der han var gjest hjaa si gamle syster. Han vart hard medfaren, og vart ført or landet paa Chr. Huitfeldts skip. Det vert fortalt, at han kom til Danmark og vart halden i fengsel i Sorø og døydde der, men det er vel so truleg at han andast paa ferdi paa sjøen, 13. juli 1541.<sup>35</sup>

Christoffer Huitfeldt let prestane i baae bispedøme hylla Christian III,<sup>36</sup> og Skaalholtprestane vedtok no ordinantsen.<sup>37</sup> Men biskop Jon Arason i Hólar var ikkje viljug til aa godkjenna den nye kyrkjelovi, han skaut seg inn under det som "den aalmenne Guds kyrkja held og kapitlet i Trondheim samtykker"<sup>38</sup>

I 1542 innkallte kong Christian baae Islands-biskopane til Kjøbenhavn, for aa tala med deim um "det aandelige regimente" og undervisa deim um den kristelege reformasjon og skikk, som kongen med "Dan-

marks og Norigs Rigs-Raad" vilde ha gjennomført i alle sine land og rike.<sup>39</sup> Gissur vart no ordinert av Peder Palladius 3. oktober 1542.<sup>40</sup> Kongen paabaud strengt, at den katolske gudstenesta med messor og vigilior skulde avtakast, og paala prestane aa læra aalmugen, at dei ikkje skulde setja si lit til dei og til gode gjerningar, men til Christi død og pina.<sup>41</sup> Til vederlag for det inntektstapet som prestane derved vilde lida la han ein del av kyrkjetiendene.<sup>42</sup> Klostri skulde umskipast til skular; Vidæg kloster vart utlagt til kongsgard.

Jon Arason fór ikkje til Kjøpenhamm, men sendte tri fullmektige og lova aa halda det dei tok paa seg.<sup>43</sup> Paa biskop Jons vegnar svor dei kongen truskap og lydnad imot ordinansen.

Vaaren 1543 kom Gissur og Jons sendemennar attende til Island med den trykte danske kyrkjeordinansen (utgaava 1542). I sitt hjarta maatte biskop Jon forkasta baade ordinansen og dei andre kongelege forordningane som var gjevne til aa fremja reformasjonen; men han let seg ikkje offentleg merka med det.

Gissur arbeidde flitug med den oppgaaava han hadde fenge, freista aa setja dei reformatoriske ordningane i verk, motarbeidde katolske kyrkjeskikkar, umsette den nye kyrkjelovgjevingi til islandsk, og tok til med aa umsetja det Gamle Testamentet til islandsk. Peder Palladius let si latinske katekismeforklaaring for norske sokneprestar setja um til dansk og prenta Kjøpenhamm 1546, til bruk for prestane paa Island.

Men biskop Jon heldt reformasjonen utanfyre sitt bispedøme, og daa Gissur døydde i 1548, berre 33 aar gamall, reiste biskop Jon seg for aalvor, for aa driva kjættarskapen og vantrui or landet og aa forsvara dei gode gamle sedvanar, "som hadde vore haldne i Noreg og paa Island i meir enn 500 aar".<sup>44</sup> Han let seg innsetja til millombils styrar av Skaalholt bispedøme, og arbeidde kraftig<sup>lv</sup> valet av ein klostemann, abbed Sigurd av Thykkvabø, til kanonisk biskop i det ledige bispedømet (vald 27. juni 1548)<sup>45</sup>. Den evangeliske minoriteten valde presten Martin Einarsson, ein av Gissurs vener, til hans ettermann.

Kongen stemnde biskop Jon til seg, for aa svara for si ferd, men biskopen tok upp kampen um Skaalholt bispedøme med den mektuge hovdingen Dade Gudmundsson, systemann til Martin Einarsson, reiste sak mot honom for overgrep mot kyrkja<sup>46</sup> og bannlyste han<sup>47</sup>.

Det som gav biskop Jon mod, var den framgang som den katolske sak hadde i Europa i slutten av 1540-aari. Det schmalkaldiske fyrste-



sambandet, som var skipa i 1530 etter riksdagen i Augsburg til vern um den evangeliske tru, var knekt av keisaren i slaget ved Mühlberg 1547, og ved forhandlingar freista Karl V aa føra protestantane saman med den katolske kyrkja igjen, nemleg ved Augsburg-interim 30/6 1548, og Leipzig-interim i slutten av 1548.

Biskop Jon Arason skikka ein sendemann til paven og keisaren<sup>48</sup>, og fekk tidend fraa baae. Størst gleda gav svaret fra pave Paulus III, dagsett 8. mars 1549: den heilage fader formana biskop Jon til aa halda fast ved den gamle kyrkja og gav honom og bispedømet si vel-signing<sup>49</sup>. Dette er det siste pavebrevet som er kome til den gamle norske kyrkja. Biskop Jon let det høgtidleg kunngjera; han hevda at han no var den einaste rette biskopen i Danmark, Noreg og Sverige<sup>50</sup>, - han var daa òg den einaste katolske biskopen i embete i Norderlandi.

Christian III stadfesta Marteín Einarsson som superintendent i Skaalholt, og Marteín forplikta seg til ordinansen (20. august 1548)<sup>51</sup>. Kongen tok presteskapet i Skaalholt bispedøme i si vern<sup>52</sup>, men gjorde biskop Jon fredlaus<sup>53</sup>, og paala Dade Gudmundsson aa fanga biskopen og hans søner<sup>54</sup>.

Etter aa ha vorte undervist ved universitetet i Kjøbenhavn og vigd av Peder Palladius (7. april 1549) kom Marteín Einarsson til Island um sumaren 1549, overtok sitt embete i Skaalholt og gjorde alle biskop Jons avgjerdsler der i bispedømet ugilde<sup>55</sup>. Men Jon tok Marteín til fange<sup>56</sup>, og truga alle villumenn og bannsmenn med fengsel<sup>57</sup>. Kongen paala sin danske hirdstjore over Island Laurits Mule aa fanga biskop Jon<sup>58</sup>, og oppmana islendingane til aa velja til "biskop" i Holar presten Gisle Jonsson<sup>59</sup>, som biskop Jon hadde bannsett for kjøttarskap<sup>60</sup>. Peder Palladius minnte Jón Arason um apostelen Paulus, som stampa imot brodden, og formana han til aa venda um; for hans bispeemne til Skaalholt, abbed Sigvard, hadde no i Kjøbenhavn gjenge over til den evangeliske trui<sup>61</sup>.

Men um sumaren 1550 gjorde Jon Arason seg til herre i Skaalholt. Han let seg tildøma styringi av Skaalholt bispedøme til ein ny biskop vart innsett av paven<sup>62</sup>. Han vigde domkyrkja paanytt, let liket av biskop Gissur grava uppatt og føra utanfor kyrkjegarden som kjettar, forrette prestevigsla i domkyrkja paa fullt katolsk vis, og fekk Altinget til aa innskjerpa cølibatsbodet<sup>63</sup>.

Den danske hirdstjoren Laurits Mule dreiv han ut av Videg kloster, som no var kongsgard, og sette baade Videg og det nedlagde klostret paa Helgafell i skikk.

Biskop Jon tykkest no vera herre paa øyi, - han sa han hadde heile Island i si makt paa halvannan husmannsson nær, - det var

Dade Gudmundsson og Peter bror til Martein Einarsson. Jons søner klaga til kongen over valet av Martein, dei sa det vat skjett med ein ringe minoritet, og dei bar seg ille over Laurits Mule. For Jon Arason vart reisingi imot den nye læra ogso ein kamp imot danskeveldet; han lova alle dei danske kongstenerane straff etter Noregs lov<sup>64</sup>.

Um hausten gjorde biskop Jon ei ny herferd imot Dade, men vart sjølv overfallen av Dade paa garden Saudafell<sup>65</sup>. Han let lagmannen lyse seg under kongens fred, og tok si tilflukt til kyrkja<sup>66</sup>. Men Dades menner braut seg inn gjennom korveggen og tok biskopen tilfange som han stod fyre altaren i sitt fulle skrud, med hostia i eine handi og eit Mariabilate i den andre; ogso Jons tvo søner vart fangne. Ein lagmannsdom<sup>67</sup> dømde<sup>d/</sup> eim i kongen vald og frikjente Dade for hans ferd, og superintendenten Martein absolverte valdsmennerne, som hadde vanhelga kyrkja, fraa helgedomsbrotet<sup>68</sup>.

Fangane vart førde til Skaalholt, og paa eit raadslagningsmøte av dei beste mennerne fraa bygdene der ikring møtte den danske futen Christian skriver, som styrte landet i fraaveret aat hirdstjoren og bar fram dei hardaste skuldningane imot biskopen<sup>69</sup>. Han sa, at kvar mann, læk og lærd, var rædd for Jon Arason og hans søner som for Fanden i Helvite, og han trudde dei vart ni gonger verre um dei no slapp laus. Ein prest gav det raad aa lata øksi og jordi gøyma fangane, og til det gav den evangeliske superintendenten Martein sitt minne. Utan nokon ordentlig dom vart biskop Jon og hans tvo søner halshogne paa Skaalholt 7. november 1550. Jon Arason meddelte sine søner og seg sjølv nattverden fyreaat, han gjekk til rettarstaden med krossen i hende, og gav sin uven Dade si biskoppelege velsigning. Den 66 årige biskopen var krokut av alder, og hovudet hans fall ikkje fyrr ved sjuande hogget. Han døydde med ordi: "Pater, in manus tuas commendo spiritum meum" (Luk. 23,46).

Eit aalmennt hat vendte seg imot Christian skriver, og aaret etter tok nordlendingane hemn over biskopen og drap Christian og 14 danske sveinar. Liki av Jon Arason og hans søner vart ført til Holar med klokkeringing og stor høgtid, og dei avlidne vart næstan rekna for heilage. Nordlendingane valde Jons etterlivande son Sigurd til hans etternamn<sup>70</sup>.

Fyre tiendi um drapet paa biskop Jon naadde Danmark, sendte Christian III skip og herfolk til Island. Det var kongens hovmester i Danmark Eske Bille, som stod fyre utrustningi, og til hovdingar

paa skipi sette kongen Aksel Jul, landsdomar i Nord-Jutland, Christoffer Trondsson Rustung, erkebiskop Olav Engelbriktssons frende, no lensmann over Ebelholdt kloster paa Sjælland, og Otte Stigsson, den som hadde herja erkebispestolen i 1532. Dei tinga landet under kong Christian, det skjede utan kamp. Til evangelisk superintendent i Hólar vart innsett Olav Hjaltason, 1551, og nordlendingane godtok ordinansen.

Dermed hadde reformasjonen vunne siger i det ytre paa Island. Men i sed og tru helt katolisismen seg lenge, og den nye læra hadde ein lang kamp fyrr ho vann fram. Jón Arason vart halden for ein nasjonal helt, og dei fornemste slekter paa Island rekna det for ei æra aa ættast ifraa honom.

Islands nyaste kyrkjesogeskrivar, biskop Jon Helgason, segjer, at kampen imot den nye læra berre var eit maktspursmaal for dei siste biskopane i den gamle kyrkja, og tvilar paa at "Nidkærhed for Troen" var motivet for biskop Jon Arasons framferd<sup>71</sup>. Der er ikkje grunn til aa kasta slik ein skugge over dess<sup>e</sup>menner, som av full hjartans overttyding kjempa for fedrakyrkja.

## NOTER TIL KAP. VIII 4. Færøyane og Island.

1. 1934 4/5 10<sup>15</sup> - 11. 5 tilh.
2. NRR I, 41.
3. NRR I, 93.
4. NRR I, 92. 102.
5. N.Mag. I, 245.
6. NRR I, 145.
7. NRR I, 144.
- 7b. Keyser II, 844-5, Helgason, 15.
8. DI VIII 342.
9. Helgason, 16.
10. Arch. Vat., Principi, 1.
- 10b. NTBB 1914 I, 11-16.
11. Helgason, 16-17.
12. DI VIII 535.570.
13. OK. NBS, 5.
14. DMag. ? III, 250-1.
15. DI X 66 jfr. 86.
16. jfr. DI X 156
17. jfr. DI X 104.
18. DI X 111.
19. DI X 136, jfr. 137.
20. DI X 167.
21. DI X 174.
22. DI X 182. 183.
23. DI X 204.
- 23b. DI X 187. 188. 197. 200. 201.
24. DI X 187, 30/7 39.
25. DI X 185, 2/7 39
26. DI X 205.
27. DI X 228.
28. DI X 239 19/5 1540
29. DI X 242.245.
30. DI X 244.
31. ib. 243.
32. DI X 248.
33. DI X 308. 315.
34. Krag & Steph. II, 358-60. DI X 313. 314.
35. DI X 412.
36. DI X 329. 330.

37. DI X 324. 336.
38. DI X 331.
39. 1934 11/5 10<sup>15</sup>-11. 2 tilh. 1940 29/8 10<sup>15</sup>-11 5 tilh. DI X 431,  
jfr. XI 143.
40. DI XI 155.
41. DI XI 161. 19/11.
42. DI XI 160.
43. DI XI 147.
44. 1934 14/9 10<sup>15</sup>-11. 15 tilh. DI XI 564.
45. DI XI 568.
46. DI XI 575, 17/8 48. DI XI 582, 1/10 48.
47. ib. 590. 2/1 49.
48. At J. skikka bod til keisaren og oppnaadde noko der, hev vore  
halde for uvisst, men det framgaar med vissa av DI XI s. 849.  
Den Ulv, som er nemnd der, er utan tvil den same Ulv Havsson,  
som vor til paven.
49. DI XI 597; jvf. Bps. II, 522. 533.
50. DI XI 663.
51. DI XI 577.
52. DI XI 594, 11/2 49.
53. DI XI 594, 11/2 49.
54. DI XI 600, 2/4 49.
55. DI XI 611, 1/7 49.
56. DI XI 628. 603.
57. DI XI 620. 20/9 49.
58. DI XI 641, 27/1 50
59. DI XI 639, 27/1 50
60. DI XI 637.
61. DI XI 643, 16/3 50.
62. DI XI 659. 30/6 50; 664. 2/7 50
63. DI XI 662. 4/7 50.
64. DI XI s. 817.
65. jfr. DI XI 671. 2/10 50.
66. jfr. DI XI 673.
67. DI XI 672, 23/10 50.
68. DI XI 675, 31/10 50
69. DI XI 677.680. 6/11 50.
70. 27/4 1551.
71. J D. 1922, s. 24.37.

## Kap. IX. Hovuddrag av den reformatoriske kyrkjeskipnaden.

1. Den frelsande læra, 1698-1912: Guds velgjerningar ved Christus, og Guds krav til oss. Evangelium, barnelærdom og sakrament.

Vaar grunnleggjande reformasjons-ordinans ville bryta fullstendig med den gamle kyrkjelæra og kyrkjeskikken. Det rette sanne evangelium skal vera den første forlating av syndene einase for Christi Guds sons skuld, som er gjeven for oss: "Apud nos verum Evangelium est, quod prædicat afflictis conscientiis gratuitam remissionum propter solum Christum filium Dei pro nobis traditum".<sup>1</sup> Anna evangelium hev me ikkje, alt som strider herimot, er djevelens og antikrists lærdom, dom me sender heimatt til djevelen. Alt som ikkje er naudsynlegt til å vinna den, er unyttigt, ja meir enn det - det er skadeligt (og syndigt).

I staden byggjer den nye kyrkja frelsa på tri ting: evangeliet, barnelærdommen, og sakramenti. Dei inneheld alt eit syndigt menneskje treng for å koma i samfund med Gud: På den eine sida viser dei Guds velgjerningar som Christus hev vunne for oss. På den andre sida lærer dei kva Gud krev av oss, sann pønitens og betring, tru og gode gjerningar, i evangelisk mein- ing.

a) Daaben.- Luthers døypebok fraa 1523 var med nokor utviding blitt overført til dansk av Hans Tansen, og baae heldt enndaa fast ved dei brukelege symbolske skikkane: aa anda tri gonger paa andletet til barnet, d.e. aa driva den ureine anden ut for aa gjeva den Heilage Ande rom; - aa gjeva det salt i munnen, d.e.visdoms-saltet; aa røra ved øyro og nasen med sputt, d.e.

- 2 -

aa opna dei, idet -resten samstundes, etter Jesu fyrebilæte, segjer: Effata; aa salva med olje, d.e. oljen aat frelsa, paa bryar og millom akslerne; - aa gjeva det brennande ljøs ihandi, d.e. lampa som ein skal venta paa brudgomen med..

Alt dette utelèt Luther i døypeboki fraa 1524. Ho vart overført til dansk noko fritt av Malmø-reformatorane<sup>2</sup>, og nøggjare etter Luthers tekst av Palladius i hans umsetjing av Luthers Enchridion, 1538.<sup>3</sup> Denne form trengte igjenom.

Derimot heldt Luther fast ved exorcismen (primstigningi<sup>4</sup> som innleidande akt ved daapen. - utførlig i døypeboki 1523, som Tansen fylgde, kortare i døypeboki 1524, som gjenom Malmø-reformatorane og serleg Palladius vart gjeldande ritual. - Men det var alltid sidan reformasjonen dei som fann exorcismen støytande, og han hadde mange løynde fiendar, ikkje berre i Danmark, men ogso i Noreg. Han framkalla - som me sidan skal høyra - strid fyrst paa 1600 talet, men heldt seg sidan radt til opplysningstidi, daa han vart avteken (1783).

Ein led i exorcismen var krossmerkingi paa panna og bryst; ogso den rekna Luther til dei utvertes ting<sup>5</sup>, som kunde falla, men ho hev halde seg til vaar tid, og er den siste rest av den gamle exorcismen (no flutt til ein annan plass i ritualet).

Luther avslutta exorcismen med Fadervaar; det hadde fyrr kome framfyre exorcisme-formularen, saman med trudomssymbolet, og skulde vera eit fyrebuande vitnemaal fra prest og fadderar. Ved reformasjonen fekk Fadervaar ikkje berre ein ny plass i daapsritualet, men ogso ei ny meining, - det vart ei velsigningsbøn, som presten las med handpaalegging, medan fadderane fall paa kne. Med tidi gjekk knefallet av bruk, men bøni vart hos oss like til 1920 lesi med handaalegging.<sup>6</sup>

7

Den einlege daapsakten med spursmaalet til barnet um avsegjing og trudom, er overteken fraa det katolske ritualet. Dei katolske trudomsspursmaali ved daapen inneheldt det apostoliske symbol, men i sterkt avkorta form; likeeins i det evangeliske daapsritualet; fyrst seinare vart dei tri trudomsartiklane upplesne i fullstendig ordlyd.

Katolske var ogso slutningsordi: "Den almechtige Gud vor Herres Jesu Christi fader ..."; likeins freds-ynskjet. Nytt var derimot inngangs-ordet: "Gud bevare din inngang og utgang....", millom exorcismen og daapen.

Det merkelegaste nye ved det reformatoriske daapsritualet var, at det vart lese paa dansk <sup>8</sup> istadenfor paa latin, og at det vart utvida med ein fri formaningsstale, um "daabens ypperlighed", vendt baade til <sup>9</sup> kyrkjelyden og til fadderane. I denne talen skulde presten fysst og fremst undervisa um daaps-sakramentet, men ogso koma inn paa serlege tilhøve, soleis gjeva formaningar ved uekte barns daap. Denne skikken med daaps-tale heldt seg til Christian V's ritual. - Derimot skulde formingi til fadderane um deira plikter skje "efter sedvane", - ho var gamall skikk.

Reformasjonen gjekk utifraa barnedaap som regel og tenkte seg ikkje noko tilfelle med vaksendaap. (Neddukking var bruklegt enno i slutten av den katolske tid <sup>10</sup> og fyrst i reformasjonstidi, men overausing vart snart det vanlege.) <sup>11</sup>

c) Nattverden. - I forvaltingi av altarsakramentet fylgde den danske og norske kyrkja dei store umskifte som dei tyske reformatorane hadde gjort med dette sakrament, nemleg fyrst og fremst, at messe-offeret vart avteke og kommunionen sub utraque spreie innført. I det heile slutta det danske nattverd-ritual seg nøgje til Luthers tilcisingar, men i ymse mindre ting var det ustødleik.



12

Ritualet vart sterkt avkorta og umsett paa dansk; den  
teggjande messe-kanon, med dei mange eldgamle bønner, vart avskaffa;  
ritualordi skulle lesas høgt. 41

14

Sakramentet skal framleides vigjast (consecrari); men ordi-  
nansen krev uttrykkelig, at messa "ikke bliver besmittet med  
noget ord som ljunder om offer eller gjerning (sacrificium abt  
opus), som udi pavens kirke er skjedd med misdyrkelse okbespot-  
telse". 15 Avvisningi av offertanken kom tydelig fram i fyreskrifti  
um, at sakramentet ikkje maatte vigjast utan der skal vera kom-  
munion. 16

Den dogmatiske meining med den evangeliske konsekrasjon fram-  
lyser av den ordning, som ordinansen innskjerper: at dei innvigde  
element ikkje maatte supplerast med uvigde, ifall det vart for-  
lite av dei vigde til kommunikantane; i dette fall maatte konsekra-  
sjonen takast upp att. 17 Denne liturgiske form var i røyndi ut-  
trykk for den gamle forvandlingslæra. Men med den modifikasjon,  
at Christi real-præsents i sakramentet berre skjedde i kommuni-  
stundi og ikkje vedvara i vigde element etter denne akt. Difor  
vart ikkje vigt brød og vin lenger medført fraa kyrkja til sjuke-  
kommunion, soleis som i den katolske tid, men sakramentet vart  
vigt paa staden i huset hjaa den sjuke. 18

Ordinansen gav lov til aa halda ved med visse skikkar ved kon-  
sekrasjonen, nemlig aa lyfta upp nattverdelementi ved innvigjings-  
ordi, og aa ringja med messekklokka. 19 Men på dette punkt var prak-  
sis skiftande i den fyrste tid etter reformasjonen. Sume stader 20  
vart opplyftingi avteki, andre stader vedhaldi. I 1546 forbaud  
eit dansk bispemøte aa føra innatt opplyfting, der ho var gått  
av bruk, og gav lov til aa avtaka ho der det kunde skje utan  
oppstyr. 21 Ho fall difor etterhand burt i reformasjonshundradaaret,  
og i staden feste den noverande skikken seg, aa taka brødskaaale  
og kalken med handi utan opplyfting. 22

Ved altargang kunde presten sjölv kommunisera med, til slutt. <sup>23</sup> Det var eit minne fraa den katolske ordning. Men at presten tok nattverden aaleine, utan kommunikantar, - soleis som i katolsk tid, særleg ved sjælemessor, - det vart det no slutt med. Dette understrika ogso, at offer-idéen var fallen burt.

Ordinansen slo fast den skipnaden, at alle skulde taka <sup>24</sup> sakramentet "under begge parter". Dette var beintfram fyreskrive. Dei som var skröpelege i trui og ottast den nye skikken, <sup>25</sup> fekk tri maanader frist til aa lata seg undervisa; men um dei daa ikkje vilde høyra, skulde dei haldast burte fraa sakramentet.

Sakramentet skulde utdelast tegjande, etter ordinansen. <sup>26</sup> Denne ordning skyldtest Bergenhausen, og var eit brot mot tidlegare reformatorisk skikk; dei eldre evangeliske nattverdliturgier brukte ved utdelingi eit ynskje-ord: at sakramentet <sup>27</sup> maatte styrkja til ævelegt liv, og vera til hjelp og tröyst; dette ynskjet var henta fraa den katolske messekanon. Det danske bispemöte gjeninnførte i 1540 utdelingsord ved kommunionen, men utan ynskje: Annamme Jesu Christi legome, Annamme Jesu Christi blod, - ein formel som gav höve til aa understreka den dogmatiske tanken um realpresensen i nattverden. <sup>28a</sup>

Ein ny led i nattverdliturgien var nattverdformaningi - "Kjæreste Christi venner" - um kva altargjesterne skal tro og <sup>28b</sup> gjöre. Nattverdformaningi var innført av Luther, og vart i Danmark og Noreg bygt paa dei tilvisningar, som var gjevne i den saksiske visitasjonsbok. Men den danske nattverdformaningi heldt fram berre det dogmatiske: aa tru paa Jesu lekams og blods sanne nærvær i nattverd-elementi, og paa syndsfor-

latingi ved deim, og aa njöta desse til minne um honom. derimot utelèt dei danske reformatorane heilt det tridje punkt, som den saksiske visitasjonsbok nemner som det viktigaste, nemleg at nattverdsgjesterne skulde vera vel fyrebudde ved umvending, anger og skriftemaal. Denne avkorting av nattverdsformaningi maatte med tidi föra til undervurdering av skriftemaalet.

Som fyrr upplyst, innförte reformasjonen streng meldepålikt fyre altargang, men fyreskreiv ikkje obligatorisk skriftemaal for den einskilde. Syndegransking og avlöysning var naudsynleg, men berre for verkelege syndarar, ikkje for "skikkelige og rettskafne" kristne. <sup>29</sup>

Hovudvilkaaret for tilgjenge til nattverdbordet var tilfredsstellande kristendomskunnskap, serleg um nattverden. Av den grunn vart ikkje berre "avsindige mennesker", <sup>30</sup> men ogso "ufornumstige börn" utestengde fraa nattverden. Dei krav som reformatorane sette til kristendomskunnskapen, förte i det helle til, at den fyrste altargang for born maatte koma noko seinare i den evangeliske kyrkja, enn det hadde vore vanleg i den katolske, <sup>31</sup> Men tidleg barnealtargang, i 6-7 aars-alderen, var framleides mogeleg etter reformasjonen i den danske kyrkja. <sup>32</sup>

## 2. Gudstenesta.

Kring dei tri hovudstykke i reformasjonsverket: evangeliet, barnelærdomen og sakramenti, utgjorde gudstenesta i kyrkja den faste ramma.

Um denne ramma handlar kyrkjeordinansen i 2dre kapitlet, under titelen "ceremonier og udvortis kirketjeniste". <sup>33</sup>

Denne titelen er karakteristisk. Syni paa ceremoniarne i det heile var den, at dei var upptekne og fastsette "for god orden skuld", men "foruden all retferdigheds og nödtörftigheds mening"<sup>34</sup>. Ceremoniarne skal tena "til prydnad for ordet og gudsdyrkingi"<sup>35</sup>, og dei bör haldast eins overalt for ikkje aa forarga dei einfaldige<sup>36</sup> men dei maa ikkje gjerast til ei uforanderleg lov eller ei god gjerning.<sup>37</sup>

I gudstenestaskipnaden fylgde den danske og norske kyrkja den tyske reformasjons liturgiske prinsipp og fyrebilæte. Luthers ordningar for messa var i det heile grunnlaget for den danske messa, og Bergenhagens hand var med og akipa all evangelisk kyrkjetenesta i landi aat den danske og norske kongen.

Normen for gudstenesta var sjölve ordinansen av 1537/39, og han vart so verande til Christian Vs Ritual og Altarbok. Men i overgangstidi, til dei naudsynlege supplerande liturgiske hjelpeböckerne kom, vart det - for aa gjennomføra einskap - gjeve viktuge forklaaringar og reglar, serleg paa dei tri danske bispemöti i Kjöpenhamn 1540, Aadvorskov 1546, og Kjöpenhamn 1555.<sup>38</sup>

Det liturgiske reformarbeidet vedvara enndaa eit par aarti, innan det kom til relativ avslutning. For aa faa ei fullstendig oversyn over den evangeliske gudstenestaskipnaden, slik som den vart utforma i den danske kyrkja - ogso til bruk i den norske - vil det vera praktisk aa sjaa perioden 1537-80 under eitt. Og for aa verta klar over den historiske samanhengen, maa ein ogso jamføra med den eldre, ka-

tolske ordning, som den evangeliske - trass i all kritikk - byggjer paa og fører vidare.

I den katolske kyrkja var der tvo arter av kyrkjetenesta: messa og tiderne (horæ). Begge desse gaar igjen paa evangelisk grunn. Hovudgudstenesta er framleides messa, alle andre tenes- tor er umformingar paa helgedaglege skuleandakter i kyrkja, og dei kanoniske tider i dei evangeliserte klostri og ved domkyrkjorne.

a) Högmessa. - I den evangeliske kyrkja skal messa berre kaldast som högmessa - d.e. helgedagsmessa for folket - .<sup>39</sup> Alle andre altarmessor vart avlagde. Dette er ei fylgja av at messeofferet vart avskaffa, og at all gudstenesta tapte si t verde som meritum. Dei eigenlege fyremaal med messa er "Herrens nadvordis brug, til at tröste de skröbelige samvit- tigheder ok at forkynde Herrens död," -<sup>40</sup> med andre ord ei kommunionstenesta, ikkje ei offerhandling.

Men ei onnor fylgja av, at messeofferet vart avteke, var at högmessa fekk ei dubbel form. Naar den fullstendige messa var avhengig av kommunionen, maatte nattverdliturgien falla burt, ifall der ingen altargjester kom, og tilbake stod daa ei avkorta högmessa, ei ordtenesta. "Naar der er ingen at berette, da skal der ikke vies sacramentet, at vi ikke falde atter igjen i sacramentens misbrug, tagendis det mod Guds befaling".<sup>41</sup> I den katolske kyrkja vart nattverd- offeret aldri utelate av messa - der hadde messa alltid berre ei form, og nattverden var högdepunktet, anten der var kommunikantar eller ei. Uppkomsten av ei nattverd-læres

högmessa i den evangeliske kyrkja verka til aa gjeva ordet ein enndaa meir framskoten plass enn det alt hadde etter det re-  
 formatoriske prinsipp.<sup>42</sup>

Burtsett fraa messeofferet var det danske reformasjons-ritualet for högmessa fraa fyrst til sist bygt paa det katolske, og var ei forkorta og heilt eller delvis fordanska form av det. Serleg i den fyrste delen av högmessa (den sokallte "ordo missæ"), inntil preika, er samanhangen med det katolske fyrebilætet so nær som moglegt. Ja, det vart beintfram gjeve lov (paa synoden i Kjöpenhamn 1540)<sup>43</sup> til aa bruka dei gamle katolske missaler for denne delen av gudstenesta, inntil eit "nytt og betre" missale vart prenta. Men etter preika maatte det gamle missale takast burt fraa altaren, so presten ikkje skulde verta mistenkt for aa lesa "den ugudelige canon: fadervaar og innsetjingsordi paa dansk, med tonar, var difor innteken i sjölve ordinansen (bl.CXLI-CXLIV, i Bergenhagens liturgiske tillegg).

Messeliturgien var fyrst umarbeidt paa dansk av Malmö-<sup>44</sup> reformatoren Claus Mortensen (Töndebinder) og prenta 1528. Ei ny "Handbog om den rette Evangeliske Messe", i samsvær med ordinansen, vart utarbeidt av superintendenten i Lund Frants Wormordssön, og utkom i Malmö 1539. I den salmemok, som Hans Tansen gav ut i 1544,<sup>45</sup> og som kom i fleire nye utgaver i 1550-60-aari,<sup>46</sup> var ogso den evangeliske messa uppteki, men i ei form som meir fylgde Malmö-messa fraa 1528.

Det "nye og betre" Missale let venta paa seg til 1556, daa Peder Palladius gav ut ei nokolunde fullstendig handbok for högmessa aaret rundt; denne "Alterbog", som Palladius

47

kalla boki, for å undgaa namnet "Missale", var sidan i bruk som norm for messa i Danmark og Noreg, til både ordiansen og altarboki vart avløyst av Christian V's "Kirke-Ritual" og "Alterbog".

Den evangeliske högmessa vart, likesom den katolske, innleidt med stille syndsvedkjening baade av presten og av folket. <sup>48</sup> Men ordlyden av det evangeliske Confiteor, som var å finna baade i salmebok og altarbok, var ny. - Lydeleg inngangsbön av deknem vart fyrst innført ved Ritualalet 1685, og den fortrengte den gamle stille syndsvedkjening.

Gudstenesta byrja, som i den katolske messa, med Introitus (inngangen), eit kort inngangsvers fraa Skrifti, som gav grunntonen og sermerket for dagen. Etter dette vers bar mange sundagar namn fraa gamall tid, og dette namn hadde dei lenge etter reformasjonen, vanleg emndaa paa 1700-talet i Noreg, t.d. 5te sundag i fasta, "Judica", d.e. Judica me, Deus, et discerne causam meam, Döm meg Gud, og för mi sak, Ps. 43, - eller 3. sundag etter paaske, "Jubilate", d.e. Jubilate Deo, omnis terra, Ropa fagnadrop for Gud, all jordi, Ps. 66, - eller 4. sundag etter paaske, "Cantate", d.e. Cantate Domino canticum novum, Syng Herren ein ny song, Ps. 96.

Intraitus vart sunge av koret eller deknem, eller lese

(av presten), paa latin. Men i staden kunde ein nytta ein dansk salme, som kyrkjelyden song, - og det vart snart vanleg skikk og bruk; det er maar noverande inngangssalme. Under salmesongen skulde presten beda paa kne fyre altaren, "for ordsens framgang, for kongen og riget", <sup>49</sup> - ein ny led i högmesseliturgien.

Etter Introitus eller inngangssalmen kom Kyrrie eleison, sunge av deknen paa ymse melodiar, etter katolsk skikk. I staden kunde syngjast ein dansk salme. Der var tri kyriesalmar, som vart bruka paa kvar si tid i kyrkjeaaret; dei stod i salmebøkene, til Guldberg skaut dei ut i 1778. Landstad tok dei opp att ein av dei (L. 2, Lk. 2: Herre Gud Fader, du vor høyeste tröst) - som hadde vore sunge fraa pinse til jol).

Vidare fylgde, som fyrr, den gamalkyrkjelege lovsongen: Gloria in excelsis Deo. Etter gamall skikk intonerte presten, og kyrkjelyden song vidare. Det eldste danske Gloria, som hadde prosaform likesom det latinske, vart tidleg <sup>50</sup> avløyst av ei metrisk umsetjing: salmen "Aleniske Gud i Himmerig".

Dinæst kom, som fyrr, kolekten for dagen, umsett paa dansk, etter den katolske kollekt, - og, som fyrr, epistelen for dagen, paa dansk, likeeins etter den katolske epistelrekkja. Epistelen vart, som fyrr, avslutta med eit hallelujavers, eller med gradualet, ein skiftesong av bibelord, ~~med~~ halleluja til slutt. Gradualet spela elles snart ut sin sjölvstenduge rolle, og berre halleluja-verset vart staaande; men i staden for det kunde det syngjast ein dansk salme (helst med halleluja i).



Etter gradualet med Halleluja fylgde der i katolsk tid paa store og serlege högtider ein sekvens - ein millomting millom hymne og salme. Storparten av sekvensane galdt helgenar, og dei fall difor burt ved reformasjonen. Men den evangeliske högmessa heldt fast ved tri, nemleg dei som høyrde til paa dei tri Christi hovudhögtider: Jol: Grates nunc omnes, Nu lader os alle takke Gud vor Herre (jfr. L. 133: Du være lovet, Jesu Krist), Paaske: Victimæ pascali laudes, Krist stod op av döde (L. 343), Pinse: Veni Sante Spiritus, Nu bede vi den Helligaand (L. 3).

No fylgde, som fyrr, evangeliet etter den katolske perikoperekkja, - og, likesom fyrr, trudomsvedkjenningi, Credo, som etter gamall tradisjon vart intonert av presten og sunge vidare av kyrkjelyden, men no i metrisk dansk form: Vi tro allesammen paa en Gud (L.12).

Dei faste liturgiske salmar: Kyrie, Gloria, högtidssekvensane, og Credo, karakteriserar högmesse-liturgien fraa reformasjonstidi. Dei gjekk over i Christian V's Ritual, <sup>52</sup> og tradisjonen vart dermed halden vedlike i over 300 aar, men gjekk tapt i vaare nyare salmebøker og altarbøker.

Etter Credo-salmen fylgde preika, som ikkje maatte vara over 1 time. Ho byrja med bön, og vart, som fyre reformasjonen, avslutta med framsegjing av katekisme-ordi, og so kom ei aalmen kyrkjeön "for det andelig og verdsleg livs nödtörftighed" og for kongen og evangeliet, vidare ymse nye led, nemleg fadervaar, og ein dansk salme, helst for fred eller for aa avvenda naud, eller litaniet, og ein kollekt "om den menige nödtörftighed". <sup>53</sup> Lenger fram i reformasjonshundraaaret vart det innsett serlege högtids-salmeyers etter inngangsböni til preika ved dei store högtidshelgerne: Et lidet barn saa lyste-

ligt, Christ stod op af Døde, Nu beder vi den Helligaand. Det var skikk aa syngja festverset tri gonger sjölve högtidsdagen, og ein gong kvar helgedag i den fylgjande festtid. <sup>54</sup>

Etter preika, som ikkje vart avslütta med velsigning fyrr på 1600-talet, <sup>55</sup> fylgde den andre delen av högmessa, kommunionen, istadenfor messeofferet. I motsetnad til fyrste delen avveik denne sterkt fraa den katolske messa. Kommunionen vart innleidt med ei nattverdformaning, etter luthersk fyrebilæte. I vanløg högmesse prefasjonen og Sanctus utelæte; dei skulde berre brukast paa dei tri store högtiderne i byarne. Av canon missæ vart allt utelæte, so nær som innsetjingsordi og fadervaar; men ogso her vart gjort brigde: fadervaar kom fyrst, innsetjingsordi vart sungne högt, og allt paa dansk. Agnus dei skulde nyttast paa högtiderne. <sup>56</sup>

Under altargangen vart det sunge ein salme, - og etter utdelingi las presten, likesom i den katolske messa etter offerhandlingi, ein kollekt, til takksegjing, og lyste velsigningi; men istadenfor dei katolske ord vart nytta ein kollekt av Luther og den aronitiske velsigning. <sup>57</sup>

Heile tenesta enda med ei salme, og derunder las presten ei stille takkebön.

Var der ingen altargang, vart den siste delen av högmessa sterkt avkorta: ein salme eller tvo, ein kollekt eller tvo, og velsigningi.

Hovudkjelda for den evangeliske gudstenesteordning i Danmark og Noreg var Luthers messeordningar, nemleg for den fyrste delen, til preika, den meir konservative Formula Missæ 1523, for den andre delen, etter preika, den friare Deutsche Messe

1526, men kortare og fattigare enn den. <sup>58</sup> Men ved sida av desse gjorde, serleg i praksis, gamall dansk - og norsk - fyrereformatorsk skikk seg gjeldande. - Me ser elles her <sup>59</sup> burt fraa ei samanlikning i detalj med Luther.

Dei liturgiske hovudled og deira rekkjefylgja hadde den evangeliske kyrkja overteke fraa den katolske - ordinansen (segjer segjer beint fram, at messa skal haldast "efter den vedtagne sed", burtset fraa messeofferet - . Men der var ogso paa ei rekkja andre punkter nær samanheng med fyrrtidi i gudstenesta i det heile, nemleg a) bruken av latin, b) den gregorianske songen, c) dei liturgiske og bibelske tekstær, og d) messeklædi og ymse skikkar. Det spesifikt nye reformatoriske ligg i fire ting: a) fordansking, b) avkorting og forenkling, c) menighetssong paa modersmaalet, d) avtakingi av messeofferet.

Her skal greiast ut noko nærmare um desse ting, for so vidt dei ikkje fyrr er serleg umtala.

Latinen. - Luther vilde paa ingen maate lata det latinske maalet gaa heilt ut or gudstenesta; han heldt fast paa fleire punkter, mest av umsyn til "ungdomen", <sup>60</sup> d.v.s. disipline ved latinskulane. I den fyrste reformasjonstid i Danmark var uviljen imot den liturgiske latinen sterk, og serleg Malmö-reformatorane gjennomførte modermaalet næsten konsekvent i sine gudstenesteordningar, og det vart ikkje tolt, at der vart sunge noko anna enn det presten og folket fullt ut forstod. <sup>61</sup>

Ogso etter ordinansen kunde messa haldast heilt ut paa dansk. Men ho kunde likesovel haldast for ein stor del paa latin, - det gamle kyrkjemaalet kunde nyttast til dei fleste

liturgiske sungne stykke, som var beinveges overtekne fraa den katolske messa, nemleg Introitus, Kyrie, Gloria, (Graduale), Allelujaverset, Sekvensen, (Credo), Præfasjonen, Sanctus, Agnus Dei. <sup>62</sup>

I bruken av latin gav ordinansen presten stor fridom. Men i praksis kom latinen til aa vera lenge i bruk, i større og mindre maan i alle kyrkior, serleg i byarne. Biskopar og teologar hadde fyrekjærleik for latinen, i katedralskulane med sine discipelkor hadde latinen ein trygg plass, og paa dei tre store högtiderne i aaret skulde i byarne sogodtsom heile altartenesta fyre preika og ein stor del av nattverd-liturgien forrettast paa latin. <sup>63</sup>

Det gamle kyrkjemaalet halde ein högtidsamare klang, det var heilaggt maal, men det hadde ogso den fyremun at det betre hövde til dei gamle kyrkjelege melodiane enn dansk umsetjing.

Den gregorianske songen vart framleides nytta til dei fleste sungne leder i messa, som vart utført av presten og av deknem eller koret, og det gjeld, anten teksterne var paa dansk eller latin.

I Tyskland stod der tri ulike prinsipp jamsides gjennom heile overgangsperioden. Anten messa paa latin med gregoriansk song, som i Luthers Formula missæ 1523, - eller messa paa tysk med tyske salmar, som i Luthers Deutsche Messe 1526, - eller messa paa tysk med prosatekst og gregoriansk song, som i Nürnbergmessa 1525-26. <sup>64</sup>

Dei fyrste evangeliske messeordningar i Danmark, Malmö-messorne fraa 1520-30-talet, var usjølvtendige etterlikningar av dei tyske fyrebilæte, serleg Nürnbergmessa og Luthers deutsche Messe. Men den gregorianske songen var her ille med-faren. <sup>65</sup>

Ordinansen skipa messa ðavhengig av desse danske fyrebilæte, og gjenom den vart ei blandingsform den vanlege, nemleg ei messa med baade cantus gregorianus og danske salmar; til hög-<sup>66</sup>tidsbruk fekk den gregorianske songen atter koma til sin rett gjenom latinen.

I motsetnad til den radikale ordning i Malmömessorna heldt ordinansen fast ved den musikalske tradisjon, sovidt den kunde semjast med det reformatoriske prinsippet um aa draga kyrkjelyder sterkare inn i gudstenesta.

Det hev vore, og er vel enno oftast den gjengse oppfatning, at kyrkjelyden slett ikkje hadde teke del i liturgien, fyrr Luther innførte salmesongen. Dette er uriktig. Den kyrkjelege menighetssongen er av langt eldre dato enn Luther; ogso i Danmark var der dansk kyrkjesong fyre reformasjonen, - ein kann nemna salmar som "Christ stod op af Døde" (L. 343), Den signede dag (L.139), Maria hun er en jomfru ren (L. 297).<sup>67</sup> - Me kann ikkje påvisa, at det same var tilfelle i Noreg; men<sup>68</sup> at den kristelege dagvisa - Den signede dag - fanst paa Island fyre reformasjonen, likesom i Sverige, kunde tyda paa, at kyrkjeleg katolsk folkesong ikkje var ukjend hjaa oss.<sup>69</sup>

Melanchthon segjer ein gong: "Denn wiewohl an etlichen Osten mehr, an etlichen weniger teutsche Gesänge gesungen wurd, so hat doch in alle Kirchen je etwas das Volck teutsch gesungen. Darum ist's so neu nicht".<sup>70</sup> Ogso naar det gjeld kyrkjelydsongen, hev Luther soleis bygt paa fyrrtidi, likesom med katekisma. Han hev ikkje skapt noko nytt, men han hev gjeve den gamle kyrkjesongen nytt liv og større rom.

Den lutherske salmesongen er i og for seg ikkje noko radikalt reformtiltak, men det radikale var, at han vart gjort til fast liturgisk led og stelt ved sida av eller i staden for dei eldre liturgisk musikalske led i messa, serleg Introitus, Kyrie, Gloria, Graduale, Sekvens, Credo, tildels ogso Sanctus og Agnus Dei. Det er dette, forutan modermaalet, som gjer den evangeliske gudstenesta so ulik sitt fyrebiløte, den katolske. Men i reformasjonshundraaaret, daa denne umbytning av dei gamle liturgiske led endaa var berre halvt gjennomført, og latinen framleides hadde eit breidt rom, var skyldskapen med den gamle messa tydelegare enn han sidan vart.

Dei eldste danske salmane saag ljuset i Malmö. Dei vart opp-tekne i böker som paa ein gong var liturgisk handbok og salmebok (1529,33). Dei vart ikkje meir brukt etter at ordinansen var komen. Den fyrste eigenlege salmebok for kyrkjelydane vart utgjevt 1544 av Hans Tansen, som daa var superintendent i Ribe.<sup>71</sup> Ho kom i ny og auka utgaava i 1533 og oftare i 1550-60 aari, og er den eldste aalmenne evangeliske salmebok i Danmark. Um ho hev vore bruka i Noreg er ukjent, men der var ingi onnor salmebok aa taka til. Tansens salmebok inneheldt 150 salmar, som sidan vart auka til 175. Ho inneheld ogso messeliturgen; der raader salmeprinsippet fraa Luthers Deutsche Messe sterkare enn fyr.<sup>72</sup>

Den eldste reformatoriske salmedikting i Danmark hev for störste delen ringe poetisk verdi. Noreg aatte ikkje evna til aa skapa nokon salmebok, knapt nok ein einaste salme. Sitt klassiske salmeverk fekk den evangeliske kyrkja i Danmark og

Noreg i "den danske Psalmebog", som vart utgjevi etter 12 aars arbeid av soknepresten ved Vaar Frue kyrkja i Kjöpenhamn Hans Thomissön, 1569. Kongen fyreskreiv denne bok til bruk i alle kyrkior i baae rike, og ho var til midten av 1600-talet den einaste kjelda til den kyrkjelege salmesongen i baae rike (10 nye opplag til 1674). <sup>73</sup>

Hans Thomissöns salmebok er bygt fullstendig paa salme- <sup>74</sup> prinsippet og gjennomfører det konsekvent. I denne boki var uppteki ei högmessa, som ikkje inneheldt eit ord paa latin, og ikkje ein tone med cantus gregorianus til dansk prosatekst. Med den sigra Deutsche Messe i Danmark og Norig, og kyrkje-lyden var gjort fullkomen delaktig i liturgien.

Boki inneheldt 261 danske salmar, og berre 8 latinske. Salmane er ordna systematisk "etter Christendommens Hovedartikler"; dei er dels nye evangeliske salmar av danske og tyske reformatorar, deribland næstan alle Luthers, dels umdikting av Davids-salmar og andre stykke or Skrifti, <sup>75</sup> men òg for ein mindre del fordansking av liturgiske stykke og kvæde fraa tidi fyrre reformasjonen, nemleg umsetjingar, responsorier og antifonar, ialt 36, og endeleg 17 katolske songar, 9 paa dansk, 8 paa latin. <sup>76</sup>

Men hermed var det ikkje tanken aa avskaffa korkje Latinen eller cantus gregorianus. <sup>77</sup> Til dette bruk utarbeidde biskopen paa Fyn Nils Jespersön den musikalske handbok til gudstenesta, nemleg Gradualet. Det var ferdugt alt i 1565, men vanskar med prentingi forseinka utgjevingi til 1573. <sup>78</sup>

Formaalet med dette arbeid var aa skapa einleik paa det liturgiske umraade. Gradualet skulde avlöysa dei papistiske

böckerne, sovelsom dei mindre reformatoriske, - fordi, heiter det, "der allevegne herudi Riget sig begiver stor Uenighed med Ceremonier og Sang udi Kirkerne". <sup>79</sup>

Nils Jespersön var ein ein nidkjær motstandar av leivningar fraa papismen i tru og sed. Men Gradualet heldt uppe og fastslo i stor mun den katolske tradisjonen i gudstenesta, ja um det so var titelen paa boki, so var den fyre-reformatorisk.

For det fyrste var musikken serleg skipa for kvar ein-skild tenesta, i ser högnessa, dag for dag kyrkjeaaret rundt, - som i det katolske gradualet. Her raader ikkje fattigsleg uniformitet, men ei rik skifting av melodiar. Kvar gudstenesta fekk sitt musikalske utstyr.

For det andre hev Gradualet teke upp umlag heile den katolske cyklus av latinske Introitus med dei gregorianske melodiane, likeins dei latinske Halleluja-vers som kom istadenfor dei eigenlege graduali. Likeeins var dei andre led, Kyrie, Gloria, Sekvensar, Credo, Agnus Dei, upptekne, tildels med skiftande melodiar.

Ved sida av det latinsk-gregorianske utstyr hadde sjölv - sagt ei rekkje danske salmar fenge rom. Ved Introitus og Hallelujavers kunde det veljast millom dansk salme og latinsk gregoriansk song. Dei andre tilfelli skulde stundom det eine, stundom det andre nyttast.

Karakteristisk er det, at preike-salmene, 10 i alt, var fastsette for kvar dag i kyrkjeaaret, likesom Introitus, Hallelujavers, og sekvensar.

I stor mun heldt reformasjonstidi fast ved den gamle skriftesongen; det gjeld sekvensane, og Gradualet slo fast,



at dei latinske og danske vers av desse skulde syngjast skiftevis, - ein skikk som stod ved lag like til Kingos salmebok. 80  
81

Dei danske kyrkjelydsalmane vart naturlegvis ikkje sungne paa gregorianske melodiar, men paa friare, folkelege tonar. Hans Thomissöns Psalmebog inneheld notar til salmetonane, ialt eit par hundrad; ho er vel den störste melodisalmebok, som til daa var utkomi. Dei fleste melodiane er henta fraa Tyskland, men der er ogso ikkje faa som ikkje finst i tyske kjeldor og difor vel maa vera danske. 82 Salmetonane i reformasjonstidi var ikkje strengt taktbundne og inndelte, som salmemelodiane var i seinare tid, men hadde rytmisk karakter, - ein syngjemaate som mange nyare kyrkjemusikarar hev arbeidt for aa oppatliva.

Forutan dei sungne liturgiske lederne, som vart framført med gregorianske melodiar av dekn og kor, heldt den reformatoriske gudstenesta fast ved regelen um, at presten skulde messa altartenesta. Dette er so i Luther Deutsche Messe 1526. 83

I den fyrste radikale reformatoriske perioden i Danmark var den prestelege messesongen for störste delen blitt avskaffa, og fekk praktisk tala berre liva i nattverdiliturgien. Denne kraftige reduksjon vart fastslegen av ordinansen, som fyreskreiv lesing av kollektar og tekster, helsing og velsigning, og messesong berre for hovudstykk i nattverdsakramentet (fadervaar, innsetjingsordi). 84

Men den utfyllande liturgiske lovgjering etter ordinansen førte etterkvart inn att messesongen over alt. Det skjede serleg ved bispemötet i i Kjöpenhamn 1540, salmeboki av 1569, 85

gradualet av 1573, og altarbokutgaava (den 4de) av 1580.

Etter desse skal presten messe fylgjande stykke:

intonasjonen til Gloria, <sup>86</sup>  
 salutasjonen,  
 kollekten,  
 epistelen,  
 den andre salutasjonen,  
 evangeliet,  
 intonasjonen til Credo,  
 prefasjonen (paa högtiderne),  
 Fadervaar,  
 Innsetjingsordi,  
 slutningskollekten,  
 velsigningi.

Rimelegvis hev ikkje ordinansen i dette stykke makta aa bryta den gamle skikken, og i regelen torde det vera so, at prestane hev halde ved meg aa syngja, imtil messesongen vart godkjend igjen over heile lina.

Utviklingi av gudstenesta enda soleis paa Hans Thomissöns og Nils Jespersöns tid med aa fastslaa den tridubbelte type me kjenner fra den tyske reformasjon:

- ei rein dansk salmemessa, som fyreligg i Hans Thomissöns salmebok og visstnok serleg kom i bruk i landskyrkjor,
- ei mestandels latinsk högtidsmessa, som finst i Nils Jespersöns Graduale, og hörde heime fyrst og fremst i byane,
- og ei blandingsmessa, med latinsk-gregoriansk Introitus og Halleluja og med danske salmar,
- men alle tri former med messesong av presten.

Med Christian V's Ritual og Kingos Salmebok sigra den reine danske salmemessa, som sidan hev raadt grunnen.

Ved reformasjonen vart folket drøge meir inn i gudstenesta enn fyrr. Men skilnaden maa ikkje understrekast for sterkt. Paa den eine sida levde framleides den latinsk-gregorianske tradisjonen sterk i den evangeliske gudstenesta, og paa den andre sida var der alt fyre reformasjonen fleire moment som vekte folket til deltaking.

Det var fyrst og fremst gjennom salmesongen, at kyrkjelyden etter reformasjonen gjorde seg sterkare gjeldende i gudstestelivet. Serleg hev det kome liv i songen, daa salmebøker vart meir brukt. Men det er tvilsamt, um salmebok kunde gjera nytte i kvar manns hand den tid, og det var visseleg berre eit lite mindretall, som aatte salmebok i reformasjonshundraaret. Til kvar kyrkja høyrde det eit eksemplar av Gradualet og av Hans Thomissöns salmebok, men etter kongebod var dei festa til deknestolen i koren med lenkjes, forat dei ikkje skulde koma burt. For ein stor del hev folket, etter den endelege ordning av den nye kyrkja, likesovel som i dei fyrste brytningsaar, visstnok lært salmane utanaat ved aa høyra. Det var nemleg mange salmar som kom att paa ein fast plass i gudstenesta eller i kyrkjeaaret, og som snart maatte verta vel kjende og vel lærde. Um desse heiter det, at deknen skulde gaa ned i kyrkja, naar dei vart sungne, for aa staa midt i kyrkjelyden og faa folk med i songen. <sup>28</sup>

Derimot kunde den gregorianske songen, som vart urført av deknen eller i større kyrkjes av eit kor, aldri verta menighetssong. Det var den kunstvorne korsongen, som vart aatfylgd av orgelet; som regel fylgde orgelet ikkje menighetssalmane, -det tok fyrst til aa skje i 17de hdr. i Tyskland, og visstnok endaa seinare i Danmark og Noreg.

Deltakingi aat folket i altartenesta var aldri nögje fast-slegi i reformasjonstidi. Dei liturgiske svar (responsorier og vers og amen, heiter det, vart sungne av eknen, koret eller folket. Daa kollektar, epistlar og evangelie vart tekne upp i salmebökenne paa 1600-talet, so folket kunde sjaa ordi i desse, vart det skikk aa fylgja presten med halvhög messe-<sup>89</sup>tone. I bönerne var det òg skikk, at folket fylgde med, - serleg daa prestane, etter Luthers formularar for bönerne, t.d. fyre preika, og desse vart kjende. <sup>90</sup>

Dei liturgiske og bibelske tekstene var for ein stor del dei same i den evangeliske gudstenesta som den katolske. Dette gjeld ikkje berre dei faste lederne som Kyrie, Gloria, det nikænske Credo, ymse hymnar, sekvensar, responsorier og antifonar, dels paa dansk og dels paa latin, men ogsa heile aars-cyklane av Introitus, Hallelujavers, kollektar, og perikopar for epistel og evangelium.

Um introitus og halleluja-vers i Gradualet fraa 1573 er fyrre opplyst, at dei er overtekne fraa den katolske gudstenesta.

Um kollekterne foreskreiv ordinansen 1539, at kvar sokneprest kunde gjera seg "ganske korte" kollekter. "Det giöres intet behov, at bede alle steds udi lige maade med forskrevne ord, dersom man ellers rett paakalder Gud". <sup>91a</sup>

Grunnlaget for dei eldste evangeliske kollektsamlingane paa dansk - i Frans Wormordsens messehandbok av 1539, og i Hans Tansens salmebok fraa 1544 (1553) <sup>91b</sup> - var dei katolske kollektane. Det var desse danske kollektane i Hans Tansens salmebok,

som Palladius tok upp og skipa til i si Altarbok 1556.

Men jansides med denne tradisjonelle kollektrekkja, som Palladius gav fyrste romet, sette han ei onnor alternativ kollektrekkja fraa reformasjonstidi, forfatta av presten Veit Dietrich i Nürnberg, tidlegare Luthers husven og famulus. Veit Dietrich (eller Vitus Theodorus) gav i 1546 ut ei postilla med barnepreikor, og til kvar preika la han ei bön, som samla innhaldet i evangeliet. Postilla vart utgjevi paa dansk av presten Peder Tidemand 1556, men kollektterne aaleine var umsett av Hans Tausen<sup>92</sup>, og Palladius umsette dei paa nytt for Altarboki. Kvar helgedag hev difor i Altarboki av 1556 tvo kollektter, fyrst den kyrkjelege, og so Veit Dietrichs, med overskrifti: "og undertiden denne".

Millom dei gamle og dei nye kollektarne er der ein sermerkt skilnad. Dei gamle er korte, men hev i regelen eit aalmennt innhald. Dei nye er lengere og hev regelbunde ei nær og ofte detaljert tilknytning til evangeliet for dagen (eks. s. sexagesima, S. Midfaste).<sup>93</sup>

Den dubbelte rekkja vart oftast nytta soleis, at den eine av kollektarne for dagen vart teki til slutningskollekt ved gudstenestor utan kommunion.<sup>95</sup> Men i den 4de utgaava av Altarboki, 1580, vart den den gamle kollektrekkja for störstedelen utskoti, og der vart fyreskrive ei einaste kollektrekkja, - den same som me enno, med nokre nyare brigde, brukar.

Dei fleste av kollektarne i rekkja av 1580 er av Veit Dietrich, men eindel av hans kollektar vart umbytte med andre, nemleg fire nye og seks gamle.<sup>96</sup> Av dei seks gamle, som er tekne fraa den katolske kollektrekkja, er framleides fire i bruk: hjaa oss, nemleg: sundag etter jol (= Miss. Rom.), 3.s. etter

Kristi openberring (= Miss.Rom.), Palmesundag og Helgamessa <sup>97</sup>  
 (etter ukjend kjelda). Samstundes vart doxologien: "som med  
 dig lever og regjerer ... etc." overført fraa den katolske  
 kollektrekkja til den nye, som sakna slik avslutning. -  
 At Veit Dietrichs kollektar, som opphavleg hadde plassen sin  
 etter preika og oppsummerte den, no vart stelt framanfyre  
 baade preika og opplesingi av evangeliet og anteciperte desse,  
 var eit mindre heldigt grep.

I staden for den utskotne alternative kollektrekkja inn-  
 førte altarbok-utgaava av 1580 den ypparlege aalmenne slut-  
 ningskollekt for ordet, som framleides er i bruk. <sup>98</sup>

Dei bibelske perikoper for högmessa vart med faa brigde <sup>99</sup>  
 overtekne fraa den gamle kyrkja. Dei vanlege tekster for dagen,  
 baade epistel og evangelium for sogodtsom heile kyrkjeaaret,  
 var etter reformasjonen dei same som i katolsk tid. Med visse  
 umskifte hadde denne tekstrekkja vore nytta i kyrkja i umlag  
 tusund aar - ho reknast for å vera skipa av kyrkjefaderen  
 Hieronymus etter oppdrag av pave Damasus 7, og ho er, med  
 ymse brigde fraa nyare tid, framleides i bruk hjaa oss, no  
 som 1ste tekstrekkja.

Medan Zwingli innførte lectio continua, og Genf-liturgien  
 avskaffa dei faste teksterne og gav fritt tekst-val, heldt  
 Luther <sup>100</sup> i det store og heile fast ved dei tradisjonelle peri-  
 koparne. Reformasjonen forandra ikkje i utrengsmaal det som  
 var av bibelsk opphav i den gamle gudstenesteskipnaden.

Eit av dei faa brigde, som den danske reformasjonen inn-  
 førte, galdt lidings-soga. I den stille vika var pasjonshisto-  
 ria sungi etter kyar av dei fire evangelistane paa kvar sin

dag: palmesundag etter Matthæus, tysdag etter Markus, onsdag etter Lukas, langfredag etter Johannes. Istaden fyreskreiv ordinansen upplesing paa langfredag av ei harmonisert pasjons-historie, forfatta av dr. B<sup>u</sup>genhagen.<sup>101</sup>

Andre gudstenestor. -

b) Ved sida av messa overtok den evangeliske kyrkja i Danmark og Noreg ogso fraa den katolske kyrkja dei kanoniske tider. Desse vart ikkje umskipa paa ein einsarta maate, soleis som i England morning prayer og evening prayer, men dei vart tillempa på ulike maatar for ymse formaal, dels for kyrkjelege institu-sjonar, paa latin, dels for folket paa dansk, og levde vidare som fleire ulike typar av gudstenestor.

I domkyrkjor med kapitel og i reformerte kloster skulde<sup>102</sup> den daglege tide-lesing og -song haldast vedlike - ikkje etter dei gamle brevarier, men etter ei avkorta evangelisk form, som var utarbeidd av dr. Bergenhagen og uppteken i hans litur-giske tillegg til ordinansen. Denne gudstenesteordning som kallast "retteleg katolsk og samsvarande med den gamle kyrkja", umfata dei sju tiderne,<sup>103</sup> som fyrr: matutina, prima, tertia, sexta, nona, vesperæ, completorium. Dei var bygt upp av dei same led som fyrr, men leksjonarne, som i dei katolske brevarier for ein stor del var henta fraa heilagmannasogorne og kyrkjefedrane, skulde no takast fraa Bibelen.

Dei latinske kanoniske tider fekk likevel ikkje noko langt liv i den evangeliske kyrkja i Danmark og Noreg, fordi - som sidan skal visast - dei evangeliske klostri gjekk snart inn, og kapitelstenesta i domkyrkjorne forfall, etterkvart som resi-densplikti for medlemmerne var avgrensa til eit faatal, fleire

ikkje-geistlege medlemer vart utnemnde, og kapitels-vikarane forsvann.

Derimot vart dagleg song og lesning i katedralarne og bykyrkjorne opphalden av latinskulane under leiding av rektor; i den deltok ogso vikarane i den fyrste overgangstid.<sup>104</sup> Denne daglege tenesta, "børnesang og lesning i kirkerne", var nógje ordna etter Luthers tilvisning i Deutsche Messe<sup>105</sup>; og hadde til fyremaal aa venja dei unge til bibelkjennskap og gudsfrykt. Latinen var raadande til 1960, daa dansk song og lesning vart fyreskriven.<sup>106</sup>

Der vart sunge antifonar, Davids-salmar i vekselong, ein hymne, og nytestamentlege cantica (Marias, Simeons og Zakarias's lovsongar: Magnifica, Meus Dimittis, Benedictus), - det vart lese av det nye og av det gamle testamente paa latin, og tillike paa dansk, um der var tilhøyrarar, um helgedagsmorgon vart ogso katekisma upplesi, - der vart sunge Kyrie eleison, stundom Gloria og Te deum, og avslutta med Pater noster og ein kollekt. Der var tvo tenestor kvar dag: um søknedagane kl. 8 eller 9 ottesong, og kl. 2 eller 4 aftansong; um sundagen var ottesongen kl. 5, og høgmessa byrja kl. ½8.

Ved denne kortenesta var det halde preika paa visse faste tider, nemleg sundag til ottesong og aftansong, onsdag og fredag til ottesong, og paa dei store høgtidsaftnarne til aftansong. Det kunde ogso haldast altargang,<sup>107</sup> um der var serleg naudsyn, men ikkje til fortrenghel for høgmessekommunionen.

Kortenesta aat latinskulane heldt seg til opplysnings-tidi, daa vart ho kjent som eit umoderne ok, og avteke i by for by i Danmark fraa 1772 av, og i baae rike i 1805. Dei morgon- og aftontenestor som der var knytt preika til, vart etterkvart gjort meir og meir lik den vanlege høgmessa; dei



overlevde latinskule-kortenesta, og er opphavet til dei ymse former av gudstenesta som vaar kyrkja framleides hev jam-sides med högmessa: aftansong om sundagen, ottesong um högtids-dagane, stundom aftansong paa högtids-helgeaftnarne, faste-preikor um onsdagane, og kommunion-tenestor um fredagane, - alle som regel berre i byane. <sup>108</sup>

Ein viktig plass millom desse tide-tenestorne inntok sidan reformasjonstidi onsdags- og fredags-tenestorne. <sup>109</sup> Etter ordi-nansen skulle litaniet syngjast minst ein gong i veka, og det skjede ved desse tenestorne, anten onsdag eller fredag; <sup>110</sup> seinare vart det skikk aa syngja det paa baae dagar. <sup>111</sup> Daa der um onsdagen og fredagen skulde preikast um pönitense og gode gjerningar, uppstod paa denne maate ei bededags-tenesta, og onsdagane og fredagane aaret rundt var sidan reformasjonen ordinære bededagar i byane. Paa landet skulle ei slik bededags-tenesta haldast um sundagen ein gong i maanaden.

Derimot vart dei katolske bededagane avskaffa. Dei var tri slag:

- 1) Gangdagane, dies rogationum: maandag, tysdag, onsdag fyre Kristi himmelferdsdag.
- 2) Gangdagen eine, fyrre eller litle, Markus evangeliets dag 25. april, den store Litani-dagen.
- 3) Helge-lekams-dag. (islandsk Dyredag), Corpus Christi, 2dre torsdag etter pinse, - dansk: korsebyrd. <sup>112</sup>

Desse bededags-tenestorne vart forretta med prosesjonar (derav namnet gangdag), med kross boren fyre (derav korsebyrd); paa Helge-lekams-dagen bar dei nattverdsakrament-brödet over mark og eng, som vart velsigna. <sup>113</sup>

Alle slike tenestor var overlag populære, og dei heldt seg med stor seigleik<sup>114</sup>, men vart iherdig motarbeidd av dei evangeliske biskopane.<sup>115</sup>

Det galdt aa skapa evangeliske avlöysarar for dei katolske bededagane. I Danmark vart det i 1540 istadenfor korsebyrd fyreskrive ei kyrkjetenesta med preika um böni og med litani og almissesamling til dei fattige og til prest og dekn. Denne bededagen synest ikkje aa ha funne inngang i Noreg og han fall ogso snart burt i Danmark.

Ein fast institusjon vart derimot dei tri bots-og bededagane, som kom i bruk i 1540-aari, og som er opphavet til vaar noverande bots-og bededag.

Den brandenburgske kyrkjeordning av 1540 fastsette aarlege bots og bededagar i stadenfor dei gamle gangdagarne, "die Missbränche abzuthun, und alle Gebete und Gesänge dahin zu richten, dass wir alle unsere Not und Anliegen bei niemand anders denn dem Herrn Christo suchen und von ihm Hilfe bitten sollen".<sup>117</sup>

I 1544, daa utsikterne for det lutherske parti i Tyskland var myrke, innførte Bergenhausen dei fyrste bots- og bededagane i Sachsen.<sup>118</sup> Tiderne kjendest tunge og utrygge for den evangeliske kristendomen, og det er eit vitnemaal um eit aukande aalvar i den ljose evangeliske tru i Danmark og Noreg naar kyrkja ogso her søkte den utveg aa halda bots- og bönetenesta, for aa avvenda faaren for den siger som var vunnen for den reine læra.

Dei fyrste bededagane av dette slag i D.N. vart forordna av kongen i 1546, fordi "den menige kristendoms arvefiende paven og hans anhang practisere og akte at ville indfalle i Tyskland og andensteds, hvor Guds klare og rene ord prædikes

og forkyndes, det at ville med sværd og blodstyrtning underlægge".<sup>119</sup>

Men der truga ogso innanfraa faaror for den evangeliske kristendom. Kongen merker, at "mangesteds i riget synd og ondskab formeres og ceremonier ikke holdes ved magt om Guds skikke, hellige ord og evangelium". "For at Guds store for-  
törnelse og fortjente straf maa afvendes og synd og ondskab aflægges og hver kan rette sig selv med pönitens og bedring", forordna kongen atter i 1551 tri bededagar med faste, messa, litan og preika.<sup>120</sup>

Desse bededagane vart sidan haldne aarvisst, for trugande naud og faare, utanfraa eller innanfraa, alltid tri etter kvarandre, men til skiftande tider paa aaret, og dei vart utskrivne for eit aar i senn, med sine serlege tekster og böner for kvar gong. I motsetnad til dei ordinære bönedagarne i kvar vike eller maanad, vart desse kalla "almindelige" eller "ekstra ordinære bods- og bededage". I 1686 vart dei slaatt saman til ein dag og lagt til 4de fredag etter paaske (i 192.. flutt til hausten).

<sup>121</sup>

C) Helgedagarne. - Daa den evangeliske kyrkja overtok kyrkjeaaret fraa den katolske, skjede det med visse brigde i fest-cyklusen. Hovudsaki for reformasjonen var - som ordnansen uttrykte det -<sup>122</sup> at der "holdis hellige dage, ikke for dagenes egen skyld, men paa det at ordet maa blive prediket, ok at alle stykker, de evangelium indeholder, maa til gagn blive forklarede."

Sundagane skal holdast for "at folk en sinde om ugen maa hvile sig av arbeide, höre Guds ord, annamme sakramenterne almindelig med hverandre, bede om all nödtörftighed og takke

Gud for sine velgjerninger."

Alle dei sju Kristfestane i den gamle kyrkja vart upptekne, men med visse brigde: Dei a tre Christi hovedhøgtider "- jol, paaske, pinse - skulde haldast i tre samfulde dagar. <sup>123</sup> Fyrr var det gjort skilnad paa dei i Noreg: etter Jons kristenrett var det full helg fem dagar etter kvarandre i joli, og sidan halv helg til nyaar og vidare etter nyaar radt til trettand-dagen; i paaske var det full helg sundag og onsdag, og halv helg tvo dagar imillom; i pinse full helg sundag og maandag.

Dei tri andre Kristfestane millom jol og pinse vart staa-  
ande ubrigda, men under sine danske namn: Umskjeringsdagen, 1. januar, norsk aattandedag jol, dansk nyaarsdag. Openber-  
rings og daapsdagen, Epipha'nia, 6. januar, norsk trettande-  
dag jol, dansk helligtrekongersdag. Uppstigningsdagen, 5te  
torsdag etter paaske, norsk Helgetorsdag, dansk Christi  
himmelfartsdag.

Den yngste av Kristfestane - til minne um forklaaringi  
paa berget - som fyrst i slutten av millomalderen hadde faatt  
ein fast dag <sup>124</sup>, 6. (i Danmark: 7.) august, vart utskoten i  
ordinansen. Men for at han ikkje skulde verta heilt glöymt,  
gav altarboki 1556 honom plass paa siste sundag (27de)  
etter trieining, - ein helgedag som berre kjem att kvart  
13de aar. Etter vaar noverande altarbok vert han halden noko  
oftare, nemleg anten paa denne sundagen eller paa 6te sun-  
dagen etter Kristi openberrings sundag. I Sverige derimot  
hev dei Kristi forklaaringsdag aarlig, 7. sundagen etter  
trieining.

Av dei otte Mariafestane, som den katolske kyrkja heldt i slutten av millomalderen, tok den evangeliske kyrkja i Danmark og Noreg upp dei tri som kviler paa bibelsk grunnlag, nemleg:

1. Maria forkyndelsesdag, annun-ciatio Mariae, norsk Marimesse um vaaren, 25. mars.
2. Maria besögelsesdag, visitativ Mariae, seinare ogso kalla Mariae bjerpegang<sup>125</sup>, - til minne um mötet millom Maria og Elisabet Luk. 1, - 2. juli.
3. Maria renselsesdag,<sup>126</sup> purifactio Mariae, Kyndelsmesse<sup>127</sup>, - til minne um Marias tempelgang med Jesusbarnet - 2. februar.

Dei legendariske Mariafestane vart avtekne. Dei störste av desse heldt seg likevel i folkeminnet: Maria födselsdag 8. september, og Marias upptaking i himlen 15. august (Mariamessa um hausten, andre og fyrste).

Den katolske englefesten, Mikkelsdag, norsk Mikkelsmessa, 29. september, tok den evangeliske kyrkja upp og gjorde ogso till hausttakkefest.

Av helgenfestane vart fire vedlikehaldne som evangeliske helgedagar, nemleg tri til minne um bibelske personar: Stefansdagen 26. desember, 2dre-dag jol; Johannes apostels og evangeliets dag, 27. desember, 3djedag Jol; og Jonsok, dansj St. Hans dag, Johannes döypars födselsdag, 24. juni. Den fjorde var ein typisk katolsk festdag, oppkomen i millomalderen, "alle helgens dag", helgamessa, 1. november. Upphaveleg var det minnedagen for innvigjingi av det heidne temelet Pantheon i Rom til kristen kyrkja, til heider for Maria og alle martyrar, aar 610. Denne festen vart av pave Gregorius IV flutt til 1ste november, og paa hans raad innført i Frankarriket av keisar Ludvig den fromme aar 835, og

vart sidan den tid halden som ein fest til minne um alle heilage.<sup>128</sup>

Um ei gruppe andre helgenfestar vart det ved ordinansen fyreskrive, at dei skulde kunngjerast fraa preikestolen og leggjast til fylgjande sundag, nemleg aposteldagane, og Maria Magdalenas dag 22. juli, - desse dagar utan tvil fordi personane var bibelske, - og dertil Laurentii dag 10. august. Den romerske diakon Laurentius, martyr fraa Decius's tid, er den einaste ikkje-bibelske helgen, som framleides vart godkjend av den evangeliske kyrkja, - som fyrebilæte paa velgjerd mot dei fattige, ei dygd som reformasjonen sette fremst blandt gode gjerningar.

Minnet um desse heilage skulde paa skriftmessig maate nyttast til slutt i preika. Men eit slikt helgen-tillegg til den evangeliske forkynning hadde ikkje livskraft, og denne tradisjon vart snart glöymt.

Alle andre helgenfestar fall burt, dei aalmenne sovelsom dei nasjonale. Reformasjonen hadde ikkje rom for St. Jörgen eller St. Anna, likesolite som for St. Olav eller St. Knut.

Me kjem sidan tilbake til kampen mot den folkelege helgendyrking. Her vil me, i samband med kyrkjeaaaret, umtala, at helgendagarne framleides vart staaande som merkedagar blandt folket; paa den folkelege norske almanakk, primstaven, var den millomalderlege festkalenderen framleides avmerkt ved helgen-kjennemerke, og namni paa dagane var stadig i dagleg bruk.

I dei nye trykte almanakkor, som tok til aa koma aarvisst fraa 1560talet, var det derimot uppteke ein heilt ny helgenamn-kalender, som var laant fraa Tyskland; den var visstnok fritt og vilkaarleg samansett etter reformasjo-

nen, og hev ingen samanheng med den eldre kyrkjelege festcyklus, burtsett fraa visse større kyrkjelege merkedagar. Denne etterreformatoriske helgenkalender var, med noko skiftande innhald i bruk hos oss til 1911. Sidan er dagnamni umbyyy med historiske merkehendingar, og dei gamle folkelege merkedagane fraa primstaven er atter tekne til heider og æra!<sup>129</sup>

d) Kyrkjeskrud. - Ein stor rikdom overtok den evangeliske gudsteneste fraa den katolske i utstyret med liturgiske parament, og altarskrud og inventar. Paa dette umraade fyregaar det same som elles, at den katolske arven vert vedlikehalden, men redusert, og med tidi meir eller mindre umforma. Her skal umtalast dei viktigaste led i det liturgiske utstyr.

Ordinansen fyreskreiv, at messa skulde haldast "udi de vanlige messeklæder"<sup>131</sup> Men superintendentmøtet i Kjøbenhavn 1540 fyretok ein reduksjon av talet paa messeplagg for presten fraa seks til tri. Dei avskaffa hovudlinet (amicus) og handlinet (manipulus) og stola, dei eigenlege prestelege embets-parament, og fyreskreiv bruk av alba succincta, d.e. (1) messeserk med (2) belte, men utan paasydde broderier, og (3) casula, d.e. messehaket. Beltet gjekk snart av bruk, idet "kilteserk" vart forboden (1564),<sup>132</sup> og sidan den tid hev danske og norske evangeliske prestar berre bore 2 paramentplagg. Paa reformasjonstidi brukte prestane ofte ogso kyrkjeskjorta, superpelliseum, röklin (c:Röcklin) som er knesid, opi framantil og hev vide ermer, medan messeserken var fotsid, hadde trange ermer og vart teken over hovudet. Vaar noverande messeserk er eigenleg korskjorta som med tidi er blitt fotsid og hev fortrengt den gamle rette messeserken.

I casula, messehakelen, vedvara den katolske tradisjon med rikt fargeval: raudt, grønt, blaatt, violett, gull, svart, lenge etter reformasjonen; raudt som symbol paa blodet trengte ikke igjenom som eineraadande farge fyrr paa 1800-talet. - Den gamle vakre form paa casula, som ei klokkeforma kappe med halsopning utan sidesplittar, kvarv umlag 1600, daa casula tok til aa faa si nyare form med tvo jamnbreide rygg- og bryststykker.

Etter den skikk som vart innført ved reformasjonen, bar presten alba og casula under heile fyrste delen av høg-messa, til preika, og sidan under nattverddenesta, men berre alba paa preikestolen, og likeeins etter preika, naar der ikkje var altargang.<sup>133</sup>

Superintendenten bar ved ordinasjon istadenfor casula den gamle katolske praktfulle korkaapa, pheviale, - av silke, fløyel eller anna kostbart stoff med broderier, - av same type som enno er i bruk.<sup>134</sup>

Ogso deknen var etter reformasjonen som fyrr iført liturgisk bunad, nemleg rødklin, den kneside kvite korskjorta.<sup>135</sup>

Den svarte samarien er ikkje liturgisk parament, men er upphaveleg daglegbunad for prestar, og idet heile akademisk drakt, baade for studentar og professorar. Som slik hev samarien halde seg til vaar tid som embetsdrakt for teologiske professorar, i Danmark i praksis til vaare dagar, tildels ogso i Noreg.<sup>136</sup> Samarien er uppstått av 2 plagg, ein kortare tett-kneppt livkjole og ei vid sid ermelaus kappe med stive breide uppslag. Paa 1500-talet vart kappa ogso brukt av borgarar og adelege, men skilnaden var den, at deira kappe var kortare,



medan den akademiske og serleg den geistlege var fotsid.

Naar prestane i ref.-hundradaaret vilde etterlikna verdsled mode og gaa med korte klæder, vart det paatalt; dei maatte <sup>137</sup> bera side klæde ved kyrkjelege forretningar, og etter kyrkjeleg tradisjon <sup>fra katolsk tid</sup> vart den fotside talåren fraa katolsk tid ogso rekna for den sømelege i daglegt lag. Samarién <sup>138</sup> var enno på 1800-talet i bruk som embetsbunad utanfor kyrkja, ogso i allslags samkvem.

Pipekragen, som paa dansk kallast rue, var upphaveleg skjortekragen, som var krusa. Den er ingen arv fraa katolicismen, men ein renæssansemode, som kom inn fraa Frankrike og Spania ved midten av 1500-talet og vart uppteken av alle høgare stender. Utover mot 1600 var det gromt å gjera ruerne breide, og dei voks ut til eigne plagg. Millom academici var studentane dei fyrste til å fylgja moden og forarga professorane med store ruer og moderne hovudbunad. Prestane tok etter <sup>139</sup>, dei tok til aa bruka dubbelte ruer, og i 1591 heiter det, at "den høye Øvrighed klager over Præsternes Letfærdighed i Klædedragt med høje Hatte, store Ruer, vide Buxer, store Knive paa Siderne og lignende. Somme Præster have Skjortekraver der staa om Halsen som en Krone, og mange vide ikke andet end at det lader dem vel, og gjøre sig selv dermed til Vidundere". <sup>140</sup> Difor vart det i 1600 beint fram forbode prestar "at bruge store Rue og høje Hatte". <sup>141</sup>

Til hovudplagg for evangeliske prestar og teologar festa bonetten seg. Bonetten var det vanlege hovudplagget i renæssansetidi, og hadde daa skiftande form og storleik, men den enkle form som vart rekna for sømeleg aat prestar, var den runde eller firkanta <sup>142</sup> flate huva, ofte med uppslegne bremmar.

Bonetten gjekk visstnok av bruk, daa cylinderhatten kom paa mode umlag 1800. Men det er ein anakronisme aa bera ein empire-flosshatt til ein renæssanse-samarie.

I den siste tid er prestebonetten atter teken i bruk i Bergen bispedöme, under namnet barett (eit ord som vart vanlegt i 19de hdr.). Det var aa ynskja at denne skikken kunde verta aalmenn.

Um altarskrud og kyrkjeinventar er aa segja, at det vart vedlikehalde, men berre i sine hovudstykke. Alt som ikkje höyrde til i evangelisk gudstenesta eller ved kyrkjelege handlingar, vart overflödigt og utrydda, anten straks eller litt i senn. Dette gjeld monstransar, pixider, prosesjonskrossar, fanor, kandelabrar, lik-lysestell, helgenbilæte. <sup>143</sup> Derimot vart orgel og kyrkjeklokkor haldne i æra. Til altarskrudet skulde framleides höyra: altarklæde, altarduk, kalk med kalkklæde (palla) <sup>144</sup>; patena, og tvo ljøs ved altargang. <sup>145</sup>

Döypefonten skulde framleides som fyrr staa nedst i kyrkja ved inngangen; det vert innskjerpt av Peder Palladius. <sup>146</sup>

Ein heidersplass fekk preikestolen, som etter gamall skikk vanleg stod millom kor og skip eller lenger ned i skipet, og skulde vera högt opbygd... over almuen, at Guds ord kan klarlige predikes for alle og lydelige höris av alle". <sup>147</sup>

### 3. Prestegjærningi.

Sermerkt for den nye evangeliske kyrkjeskipnaden i Danmark og Noreg var den dominerande plass som vart tildelt "lærdommen", d.e. læra, forkynningi, undervisningi. Lærdomen er det fyrste, - i andre rekkja kjem "ceremonier og udvortes kirketjeniste" og kyrkjelege ordningar.

Soleis som me fyrr hev greidt ut (bolc 1 i dette kapitlet), er den lærdom det er tale um her, lærdomen um Guds velgjærningar som Christus hev vunne for oss. Den evangeliske kyrkja er ein frelseskipnad - som den katolske -, ho gjev den lærdom som "os til vor salighed tjener".

*fortsettelsen hev (i Kalsvold's manus n. 1839-54)  
mangler. Side 1855 begynner slik: "fyrestuvt lett  
opp" se n. 46*

Noter til kap. IX, 1.

1. Lat. ord. Krag & Strph. C. III Add. s. 30 DK1 I, 44,45.
2. 1535, 1538.
3. D. Mag. V, 268.
4. P. Pall. D. skr. I, 102.
5. 1934 21/9 10<sup>15</sup>- 11, 15 tilh.
6. GK I, 68.
7. S. 69.
8. Manl. Røskild. 12.
9. Engeltoft 208.
  
11. DK1 I, 56. 58.
12. DK1 I, 56.
- 13 DK1 I, 58. Chr. III Add. s. 37.
14. DK1 I, 56 (L.36).
15. S. 59.
16. S. 58.
17. DK1: I, 82-3.
18. DK1. I, 58. 156. 462.
19. D. Mag. V, 267.
20. Engelstofteft 269/
21. DK1 I, 254
22. NKO 1607.
23. DK1 I, 254.
  
25. DK1 I, 72.
26. DK1, 58.
27. Malmømesseboki 1529.
28. Jfr. formlane fra 1646 og 1685.

- 28~~6~~ Nattverdsformaningi heldt seg umlag uforandra fraa 1540 til 1914.
29. DK1. I, 72.
30. DK1. I, 70, 72.
31. Jfr. KLNI, 441.
32. P.Pall. D. skr. V, 64, jfr. 34.
33. DK1. I, 48.
34. s. 52.
35. s. 152.
36. s. 49.
37. s. 46.
38. DK1. I, 155-  
177-
39. s. 55-56<sup>460-</sup>
40. s. 55-56.
41. DK1.I, 59.
42. 'um preika ved den nattverdslause høgmesse segjer Bergenha-  
gen (ord.bl. CXXXVII), at ho "pertinet ad Christi communi-  
onem, atque adeo ipsissima est Christi commemoratio".
43. DK1. I, 153.
44. ' ny utg.: Chr. Bruun, Psalmebøger fra Reformationstiden I,  
(93) - (120). Severinsen, Ref. Salmedigter, 13-14.
45. 'P.Lev. Ref. Salm. 94-106.
46. 1553, 1556, 1558, 1566, 1568.
47. 'P. Pall. D.Skr. III,341.
48. DK1. I, 56. 252.462.
49. 'DK1. I, 56.
50. 'Ord.bl. CXXXV (oversét av Engelstoft,66). DK1. I, 252.
51. Abrahamsen, Liturgisk musik, s. 91.105.125.
52. 'som galdd til 1889 i Noreg.
53. DK1. I, 60.61.63.
54. Engelstoft 74

55. Engelstoft 75.
56. DKl. I, 255.
57. Ord. 1542, bl. CXLV - LVI.  
P.Pall. D.skr. II, 396.
58. Engelstoft 77.
59. ib. 55-6.
60. Engelstoft 79.
61. Abr. 74 f. 84. (85). 94.  
NB. Fr. Wormordsens Handbog 1539.
62. Abr. 84. (:ogso Pater Noster).
63. DKl. I, 59.
64. Abr. 57.
65. Abr. 67.75.
66. Abr. s. 89.
67. Abr. 27.
68. jfr. Edda III, 177-196.  
VII, 143-9.  
VIII, 139.
69. jfr. Landstads opplysningar til Sb.
70. Abr. 22.
71. Kh S 5 II, 279-91.
72. Abr. 93.
73. Bibl. Dan. I, 326f.
74. Abr. 79.
75. Rudelbach, Salmelit. 268-70.
76. Br. & H. II, XVIII.  
Bang, ref. 16-17.
77. I ordinansen 1539 forbaud kongen aa gjeva ut handbøker, missaler "eller andre ceremoniske bøger" med ny song; i staden vilde han "beskikke nye chorpeblinge", som kunde syngja den vanskelege gregorianske songen. DKl.I,120.  
(Ikkje i lat. ord. 1537).

78. Abr. 112.
79. Abr. 109.
80. Abr. 129.
81. Eng. 94.
82. 'Preben Nordermann, Studier i svansk hymnologi, s. 26.  
Kl.N. II, 802.
83. Overs. av J.C. Tellefsen, 1863.
84. Abr. s. 80.
85. 'jfr. O.M. Sandvik i Kirke og Kultur 1923,  
Norvegia Sacra 1923.
86. Alt. 1580.  
1540. H. Thom.  
H. Thom.  
H. Thom.  
H. Thom. jfr. inton. Abr. 103.  
H. Thom.  
Alt. 1580.  
1540, Grad., Alt. 1580.  
Ord., Alt. 1556.  
Ord., Alt. 1556, Lat.: 1580, Abr. 97.  
1540.  
1540.
- 
88. DK1. I, 252-3.
89. Engeltoft 93.
90. 'Det skjer sume stader enno, at folk messar bønnerne saman med presten, - soleis ein gamall mann i Vaalereng-kyrkja i Oslo den tid eg budde der (1911-30).
- 91a [\* Um kollekterne fyreskreiv ordinansen 1539, at kvar sokne-  
prest kunde gjeva seg "ganske korte" kollekte. "Det gjøres  
intet behov, at bede alle steds udi lige maade med for-  
skrevne ord, der som man ellers rett paakalder Gud",  
DK1. I, 120.
- 91b Swerinsen s 96.
92. 'utg. av H.F. Rørdam i T.s Smaaskrifter 1870.
93. P. Pall. D.Skr. III, 371-2.380.

95. 'Engeltoft 167ff er vill-leidande, daa han hev bygt paa den falske altarbok-utgaava fraa 1564. Likeins Bang Ref. 10. - Um denne utg.: Pall. D.Skr. III, 326-30.
96. Engeltoft, 168.
97. + Denne er mest forandra.
98. P. Pall. D.Skr.III,332-33.
99. 'Engeltofts framstelling s. 139f. er vill-leidande, daa han hev samanlikna altarboki med eit etter-reformatorisk romersk missale.
100. KLN III, 520.
101. DK1. I, 65.
102. DK1. I, 55. 122.
103. Ord. bl. CV.
104. DK1. I, 52
105. Engeltoft 88.  
Tellefsens ums. 11-13.
106. DK1. II nr. 268.
107. DK1. I, 53.
108. 'Fredags-fyremiddags-tenesta vert framleides haldi kvar vika i Kristiansands domkyrkja (1924).
109. DK1. I, 61. 473.
110. s. 348.
111. 'Dette er ogso tilfelle i den sachsiske kyrkjeordning 1539. PRE<sup>3</sup> III, 593.
112. 'KhS. 2 III, 271-2.
113. DK1. I, 159.
114. 'jfr. Wille, Sillejord 232. Engelstoft 107. KhS. 5 I, 173.
115. <sup>2</sup>KhS. 5 I, 172f.
116. DK1. I, 159. Engelstoft 108f.



117. PRE <sup>3</sup> III, 593-4.  
118. Engelstoft 110.  
119. DKl. I nr. 170.  
120. NR I, 142. Dkl I, nr. 302.  
Dipl. Viberg. 280-3.  
121. \_\_\_\_\_  
  
122. DKl. I, 66.  
123. DKl. I, 66.  
124. ' Kellner, Heortologie<sup>3</sup> 81.  
125. Almanakka.  
126. P.Pall. Alterb. 1556.  
127. Ordinansen.  
128. Kellner, Heortologie <sup>3</sup> 240-2.  
129. revidert av O.K. 1921.  
130. \_\_\_\_\_  
  
131. Dkl. I. 56.  
132. NKhS. II, 481.  
133. DKl. I, 59.153.157.396.  
134. DKl. I, 28.  
135. DKl. I, 478. NKhS. II, 483.500.  
136. 'Herslebs og Stenersens portrett framstiller baee i samarie,  
endaa ingen av dei var ordinert. Jfr. U.A. Motzfeldt, Den  
norske Kirkerett, Chra. 1844, s. 30; F. Storm, Opplysninger  
til den norske Kirkes Ritual og Alterbog, Thj.1845,s.150.  
137. NKhS II, 484.488.  
138. DKl. I, 476.  
139. NKhS IV, 286.  
Troels Lund IV, 46.  
140. NKhS VII, 32.

141. ib. 48.
142. jfr. Dahlerup, Ordbog, s.v. bonnet.
143. Dkl. I, 251.
144. ' enno i bruk paa 1700-talet, Kat. XII, 14f.
145. Dkl. I, 56, 346.
146. Dkl. I, s. 346.
147. s. 346.

fyreskrift lett kom upp trætta og parti, vart det ved Ribe-artiklane skipa sjuemanns-valnemnder, valde av aalmugen til aa fyrestaa valet saman med provsten.<sup>1</sup> - I byane laag valretten hos borgarmeister og raad; i patronatskall skulde det godkjennast av den som innehadde kallsretten.

Prestevalet var ikkje berre ei utøving av ein kommunal rett, men det var ein religiøs samfundsakt, som vart innleidt med bøn. "Naar man behøver da en tjener udi nogen kirke, da skal der, førend nogen udvelis, flitelig bedis om hannem efter Christi eget ord ok exempel."<sup>2</sup>

Etter valet skulde den kallte prøvast av superintenden-ten i lærdomen - bispeeksamen - og han skulde stadfestast paa kongens vegner av den kongelege lensmannen, som tok imot hans truskaps-eid til kongen, der han lova aa vera flitug og plikt-uppfyllande i tenesta.

Det er valet av kyrkjelyden og prøvingi av tilsynsmannen og stadfestingi av kongens representant, som er den nærmaste fyresetnaden for å reknast som "loglig kaldet", og utan slikt lovlegt kall skal ingen av seg sjølv "understaa seg" tenesta i kyrkja i Guds ord og sakrament eller trengja seg inn i nokor sokn. I ljuset av den danske kyrkjeordinansen er artikkel XIV i Augustana fullt klaar: "De ordine ecclesiastico docent, quod nemo debeat in ecclesia publice docere aut sacramenta administrare, nisi rite vocatus." Den latinske kyrkjeordinansen 1537 (fol 20) brukar tilsvarende uttrykk: "Nemo enine per se, non vocatus rite, subire ministerium in Ecclesia debet, aut parochiam invadere". Korkje forkynning av ordet eller forvalting av sakramenti i det heile, eller dei einiskilde preste-embete kann nokon taka seg til, utan aa vera kalla paa ordentleg vis.

Men dette ytre kall er ikkje allt. Den avsluttande og viktugaste led i tilskikkingi til det kyrkjelege embete er ordinasjonen. Den er ikkje berre ein velsigningsceremoni, men den avgjerande akt, som fullbyrder alt som er gaatt i fyrevegen. Etter vaar reformatoriske kyrkjeordning er i sjølve ordinasjonen, at den kallte verkeleg tek imot den tenesta han er utset til.

Dette kjem tydeleg fram i ordinasjons-ritualet, som fyreskreiv, at naar alle formalia er i orden - kyrkjelydvalet, bispeeksamen, den kongelege stadfesting -, daa skal superintendenten framfyre altaren i domkyrkja "befale hannem sit embede" (ordinet), - det er her, den utvalde skal "ordineris og tilskikkis" til sitt embete.<sup>3</sup>

Hovudsaken i denne heilage handling er utsendingi. Det er Gud sjølv, "høstens herre", som ved ordinasjonen sender arbeidere i sin høst". Det er no, den nye tenaren i kyrkja vert sendt til si gjerning.

Det er ikkje lenger som i den katolske kyrkja tale um, at det ved ordinasjonen vert meddelt ei sakramental fullmakt til aa utføra den prestelege gjerning. Vaart reformatoriske prestevigselritual, likesovel som bispevigsleritualet, som paa fleire punkt tydelegare enn hitt uttrykker grunntankane i den evangeliske ordinasjon, er heilt fritt for katolske reminiscensar i det stykke.

Men um ordinasjonen hjaa oss ikkje fekk karakter av sakrament, hev ikkje akten dermed tapt sin store realitet, - tvertimot. I den danske og norske kyrkja er ordinasjonen ein kyrkjeleg handling av høgaste verdi, - fordi den vert, paa kyrkja sine vegner, den aandelege fullmakt gjevi til aa forvalta dei guddomelege naademidlane til frelsa for sjælerne.

Det som skjer i ordinasjonen, under "hellige ords oplesning, formaning, henders paaleggelse, og en gudelig bøn til Gud" <sup>4</sup>, er, at den heilage tenesta vert overgjevi i nye hender og ein ny arbeidar vert utsendt i vingaarden, med "befaling" um aa forkynna evangeliet og utdela sakramenti, og under formaning til aa læra rett um det kristelege liv og staa imot all vrang læra.

Utsendingi til tenesta skjer under andsvar. Tenesta vert difor overteki av ordninanden med ein lydeleg lovnad fyre alt folket um aa vera tru i si gjerning med Guds hjelp, og denne hjelp vert bedt ned over den nyutsendte tenaren med handpaalegging av biskop og prestar og amen fraa kyrkjelyden.

Um handpaaleggingi gjev bispevigslertualet i ordinasjonen klaar beskjed, kva den tyder, nemleg at det er den nytestamentlege skikken som den evangeliske kyrkja held fast ved. Men skikken vart forklaara ut ifraa gamaltestamentlegt fyrebilæte. Det kunde daa ha lege nær for reformatorane aa visa til handpaaleggingi paa levitane. Men i den evangeliske kyrkja var ikkje dæt mogelegt utan aa fornøya den katolske embets-tanken um prestestandet som eit hierarki. Difor viser vaar reformasjons-<sup>5</sup>ordning - likesom andre - til den gamaltestamentlege handpaalegging paa offerdyret, og gjev handpaaleggingi i ordinasjonen den meining, at "vi ofre her Gud dennom" til en hellig tjeniste, hvilke vi legge hender paa"<sup>6</sup>. Dette er ikkje uttrykt med reine ord i prestevigslertualet, men av slutningsordi framgaar det, at grunntanken her er den same; det vert nemleg minnt um Pauli ord: "Creaturet helliges ved ordet ok bønen"<sup>7</sup>.

Dei tri hovudstykker i ordinasjonen er soleis desse: overgjeving av embetet, utsending til tenesta, og ofring til Gud under forbøn. Alt dette er samla i handpaaleggingi under forbøn;

daa er det, at ordinasjonen eigenleg skjer. I den latinske kyrkjeordinansen brukar prestevigslaritialet formi ordinandus til handpaaleggingi skjer, ordinantus naar ho er gjord.

I den danske og norske reformasjons-kyrkja ligg det avgjerande ikkje i anten det ytre kall aaleine eller i den kyrkjelege vigsla aaleine. <sup>8</sup> Desse tvo handlingar kann ikkje skiljast, men høyrer saman i ein heil akt, som er ordinasjonen i vidare forstand. I den tyske reformasjonen vert gjerne hovudvekta lagt paa kallet (NB. Augustana: rite vocatus), som motsetnad til den katolske høge vurdering av ordinasjonen, - og vigsla i kyrkja vert meint og forstaatt som offentleg vitnemaal og stadfesting (testificatio og comprobatio) paa det kallet som er gjort. Det er med vilje lagt denne tanken inn i vigsla, for aa undgaa samanblanding med den katolske. Dei tyske reformatorane understreka difor kallingi som det avgjerande, og tilla vigsla sekundært verde. I den danske og norske kyrkja hev visseleg ogso det ytre kallet ein overmaate viktug plass, men saki er ikkje og skal ikkje vera avgjord dermed. Det er naudsynlegt, at kallet vert fullbyrda ved vigsla. Kallet er ikkje identisk med berre den ytre kalling ved val av kyrkjelyden og den dertil høyrande biskopelege prøving og kongelege stadfesting, soleis at den kyrkjelege vigsla berre skulde vera eit appendix. Etter at den nye tenaren hev gjennomgått val, prøving og stadfesting, er han framleides berre electus, utvald til embetet; dette er hans titulatur i den embetseiden han gjer til Kongen. Men skal han offentleg "tilskikkes" til sitt embete, - uperintendenten skal no "anbefale hannom sit embede" -, og um denne akt brukar den latinske tekst verbet "ordinare". Etter tradisjonell spraakbruk vert dette ordet ogso umsett med "vie", men rett <sup>10</sup> <sup>11</sup> <sup>12</sup> forstaatt etter evangelisk meining er "ordinatio" = "tilskikkelse".

Den kyrkjelege ordinasjon er den same akt, som apostlane fyretok, "cum ordinarent vel mitterent predicatores" - daa dei "beskikkede og veiede predikere"<sup>13</sup>. Fyrst etter handpaaleggingi under vigsla vert "electus" til "ordinatus", d.e. "forordineret til den aandelig tjeneste"<sup>14</sup>. Dermed vert han utsendt til si gjerning, hans kall til gjerningi er i orden, han er rite vocatus.

Men um han ved sitt liv viser seg uverdige, vert han, etter "skjøn" - d.e. dom - av biskop og provst, sett "til rette" av den verdslege øvrigheit og rekna for "uordineret, ligesom andre almues folk"<sup>15</sup>. Med andre ord, prestevigsla gjev ikkje nokon character indelebicis.

Noter.

<sup>1</sup>DKl I, 196-7

<sup>2</sup>I, 74

<sup>3</sup>DKl I, 7)

<sup>4</sup>I, 77

<sup>5</sup>Jfr. P. Madsen, Ordinasjonens betydning,  
Koh. 1904, s. 57f.

<sup>6</sup>DKl. I, 131

<sup>7</sup>ib. 78 (jfr. 130 - dei same ord i ordinators tale  
ved bispevigsla, der parallellen med den gtl.  
handpaalegging paa offerdyret finst)

---

<sup>8</sup> Dette framgaar av ei samanlikning millom den  
latinske tekst av ordinansen 1537 med den danske  
av 1539 (s. 4 - <sup>1</sup>)

1865 <sup>9</sup>Cragius, Addit. 44. 67 (s. 4 - <sup>2</sup>)

" <sup>10</sup>Cr. 45 = R. 77 (s. 4 - <sup>3</sup>)

" <sup>11</sup>Cr. 69 = R. 131 (s. 4 - <sup>4</sup>)

" <sup>12</sup>Cr. 46 = R. 78 (s. 4 - <sup>5</sup>)

" <sup>13</sup>Cr. 69 = R. 131 (s. 5 - <sup>1</sup>)

1866 <sup>14</sup>Cr. 46 = R. 80 (s. 5 - <sup>2</sup>)

" <sup>15</sup>ib. (s. 5 - <sup>3</sup>)



o 1867-1874 mangles i Kolsruds manuskript.

4. Den kyrkjelege tilsyn.

Um superintendentar og provstar er fyrr talt, i kap. VIII,  
2. kyrkjeordinans og superintendentar," s. 1565 ff.

## 5. Lære-normen.

Kyrkje-ordinansen kravde - som fyrr umtala (s. 1707) - at "den hele evangeliske lærdom skal nu alle vegne være ren, visse ok endrektig hos alle" ("integra doctrina Evangelii<sup>1</sup> omnibus ubique pura, certa et uniformis sit").

Um ei rekkja einskilde lærepunkt gav ordinansen sjølv fyreskrifter eller korte definisjonar - serleg ved slike som fann uttrykk i faste kyrkjelege ordningar: preika, daap, nattverd, avløysning, prestekalling etc.

Men ordinansen fyreskreiv ogso, at sokneprestane skulde eiga og bruka berre visse godkjente bøker: "libri approbati tantum"<sup>2</sup>, "de bøger alleniste, hvilke vise ok lærde mend have vedtaget"<sup>3</sup>. Prestane skulde vera "vindskibelig til at læse gode bøger"<sup>4</sup>, og maatte halda seg ifraa "Skarns bøger"<sup>5</sup>, "onde bøger"<sup>6</sup>, - "paa det at de ei maa under sandheds skin indrikke ogsaa vildfarelse, til deris store fordervelse, som dennom skulde tillide"<sup>7</sup>.

Dei fyreskrivne, godkjente bøkerne er fylgjande:

1. Den heilage Bibelen,<sup>8</sup>
2. Luthers evangelie-postilla,<sup>9</sup>
3. Melanchthons Apologia (d.v.s. Confessio Augustana 1530),<sup>10</sup>
4. Melanchthons Loci communes,
5. Luthers lille Katekisma, og ei god forklaaring av barnelærdomen,
6. den sachsiske vititasjonsbok,<sup>st</sup>
7. den danske kyrrieordinans.

Dette utval av "godkjente bøker" er ikkje aa forstaa som "bekjennelsesskrifter" i seinare forstand. Ordinansen kjente ikkje det slags lærelover, og heller ikkje ei uttrykkeleg

forplikting paa slike. Dei godkjente bøkene er fyrst og fremst aa rekna for trygge kjelder for rein og rett og viss læra, til studium og til rettleiding.

Men millom desse godkjente bøkene finst just dei tvo, som sidan - attaat dei tri gamalkyrkjelege symbol - vart vedkjenningsskrifter i den danske og norske kyrkja, nemleg Confessio Augustana og Luthers lille katekisma.

Det er verdt aa merka, at ordinansen set Augustana i fyrste rekkja som normativ og fullstendig læreskrift, - det er den skrift, "udi hvilken all christendoms visse lærdom bestaaes og bevises, og med christelig skjel gives tilkjende, hvi man noget saaledis skal tro ok sammeledis lære fra seg." <sup>11</sup>

Av dei godkjende bøkene var dei fleste tilgjengelege i latinske utgaavor, fleire paa tysk, sume paa dansk. Men enno tok det lang tid, innan dei alle fyrelaag i dansk uvesetjing. Og til norsk vart ingi av dei umsett, ikkje eingong Bibelen.

Arbeidet med umsetjing av den Heilage Skrift til dansk tok til i 1520-aari med Hans Mikkelssøns umsetjing av N.T., utgjevi paa Christiern II's kostnad i Wittenberg 1524, (sjaa s. 1262f.). Men den verkelege danske bibelumsetjaren vart Christiern Pederssøn, tidlegare kanik i Lund; hans umsetjing av det Nye Testamentet, som stod høgt over den fyrste i maalføring, kom ut i 1529. Hans Tansen tok fatt paa det gamle Testamentet, og gav ut dei 5 Mosebøkerne i 1535. Men fullføringi av verket vart overdregi til Christiern Pederssøn, og etter at hans arbeid var grundig revidert av (universitetsprofessorane i Kjøbenhavn), kom heile Bibelen paa dansk i 1550. Denne bibelumsetjing, som fyrst og fremst byggjer paa Luthers tyske, gjeng under namnet Christian III's Bibel, og var den fyrste offisielle kyrkjebibel i Danmark og Noreg, prenta i ei staseleg folio-utgaava

med bilate. Kongen paala kvar kyrkja i baae rike, aa skaffa seg eit eksemplar. <sup>13</sup>

Luthers evangeliepostilla, som skulde vera mynstret for preika, kom ikkje fyrr i 1564 ut i dansk umsetjing ved presten Peder Tidemand.

Allrafyrst av dei fyreskrivne bøkene kom Luthers lille Katekisma i ny og godkjend umsetjing (etter Euchiridion) ved Peder Palladius 1538 (s. 1720). Til denne slutta seg ei stutt latinsk framstilling av katekisma for norske sokneprestar, ved Peder Palladius 1541; ho opplevde ti opplag i 1540-50-aari og kom paa dansk i 1546 6il bruk paa Island (s. 1641-43).

Confessio Augustana hadde Viborg-reformatoren Jørgen Sadolin umsett til dansk i 1533æ Men det var visseleg meiningi aat kyrkjeordinansen, at baade Augustana og Melanchthons Loci skulde studerast paa latin; desse skrifter var ikkje utgjevne paa dansk seinare i reformasjonshandradaaret. - Bergenhagen umsette den sachsiske visitasjonsbok til latin 1538, for dei danskje kyrkjer (ny utg. 1539).

Kapitlet i kyrkjeordinansen um "dei approberte bøkene" er vitnemaal um, at reformasjons-kyrkja i Danmark og Noreg so langt ifraa tok lærefridom til prinsipp. Etter at sigeren var vunnen over den katolske kyrkja, var det slutt med toleranse og jamstelling; den evangeliske kyrkja skylde vera eineraadande, og ho styrer med ein gong i konfesjonell leid.

Difor innførte Kyrkjeordinansen av 1537 bok-censur, og det baade for teologisk og for politisk litteratur.

Alle bøer som vart prenta i kongens riker paa dansk, latin eller tysk - um norsk er der ikkje tale, - , eller prenta i utlandet og innført, "synderlig om de indeholde anten det troen er anrørende, eller det der hører til lands eller steders regimente ok husholdning", maatte fyrst vera "oversét" av

universitetet i Kjøbenhavn og faa godt vitnemaal av kvar  
superintendent.<sup>14</sup>

## 6. Kyrkjelege institusjonar.

Til Jesu Christi ordinans, d.v.s. som uforanderlege led i den evangeliske kyrkjeskipnaden, hørde ikkje berre dei tre aandelege godar, evangelium, barnelærdom og sakrament, men ogso tre ytre ordningar, nemleg embetsløner, skular og fatighjelp, - eller som ordinansen segjer det: "at kirketjenerne, skolerne ok fattuge folk maa forsørges sin føde".<sup>15</sup> - Her skal greidast ut um grunndrag i desse ordningar, slik som dei er fastsette av ordinansen.

### a) Kirketjenerne.

Den leden i den kyrkjelege organisasjonen som gjekk over i den nye kyrkjeskipnaden med minst forandring og umskiping, var prestekalli. Reformasjonskongen rørte ikkje ved det kyrkjelege embetsverket, som utførte sjalesorg og undervisning blandt folket, og heller ikkje ved gods og inntektar som hørde prestekalli til.

Prestegardar og prestebordsgods, offer, tiende og andre avgifter, skulde prestane hava som det hadde vore fraa avalds tid, og det som var fraakome utan dom og rett, skulde koma tilbaka med rette.<sup>16</sup>

"Di - heiter det - Evangelium tager ingen sitt fra, men hjelper hver at beskytte alt det hannom til høre. Saa møget minde skulde man ville tage fra Evangelio hvad godt der er til-lagd".<sup>17</sup> ("Evangelium enim nemini sua anfert, omnia omnibus tuetur, tanto minus sua sibi imputata beneficia diripienda erunt".<sup>18</sup>

Denne merkelege fråasegn er uttrykt for det prinsipp, at kyrkjegodset er ein stiftelse, som tilhøyrrer sitt formaal. Ikkje kongen, men Evangeliet, er eigaren. Den oppgaava Kongen hev, er aa syta for, at dette godset kjem formaalet til gode paa den heldigaste maaten.

Difor paala ordinansen superintendentane saman med lensherrane med det fyrste aa registrera kyrkjegodset soknevis kvar i sitt bispedøme, og innsette visitaskommisjonar for aa regulera embetslønerne ved kyrkjer og skular. Desse kommisjonar, som var samansett av superintendenten og lensherren med 2 andre gode gudfryktige menn, ein "lærd mann" og ein "riddermanns mann", skulde vitja alle kyrkjesoknar og forhandla med presten og folket um tilbørleg løn for soknepresten og soknedeknen, og i turvande fall kunde dei leggja i hop tvo sokner for aa skaffa tilrekkeleg presteløn. Ordinansen paala superintendantar og lensherrar aa fyreleggja kongen oppgaavor over kva kvar ein av sokneprestar, "predikere", og andre kyrkjetenarar, sovelsom tenestemennerne i latinskularne, trengte til livsupphald, for at kongen kunde "stadfeste hver en evig ophold", og leggja til det som vanta, um ikkje kyrkjerne makta det. - Kjøpstaderne skulde skaffa sine prestar bustader. Kongen sjølv sytte for løn og bustad til superintendentane.

Tiendeplikti aat bønderne vart stadfesta og innskjerpt, adelen, som var tiendefri, fekk oppmaning um aa gjeva tiende friviljug, - i kjøpstaderne vart tiende paalagt jordbruk, og kongen lova tiende av "kronens slotte og gaarde" til eit "godt eksempel.

Prostane hadde til oppgaava aa kontrolera um prestane fekk sine inntekter, og paaminna soknefolket um deira skyldnad.

For dei økonomiske rettarne aat prestane innsette ordinansen eit forsvar i tvo instansar, paa fyrste steg kyrkjevevjerne saman med provsten, der-næst kongens lensmann, eller i kjøpstaderne raadet.

Den grunnregel, som kom til uttrykk i Kyrkjeordinansen i desse økonomiske privileg for presteane, vart ogso uttrykkelig fastslegen for Noreg ved den fyrr umtalte Rensten av 1539, (s. 1632).<sup>33</sup> Ei rekkja gamle kyrkjelege avgifter vart uppehaldne og regulert:

offertoll,<sup>34</sup>  
kyrkjegang (innleiding av barselkvinnor),<sup>35</sup>  
brudevigsla eller pusefé,<sup>36</sup>  
utferd (jordfesting),<sup>37</sup>  
altargangs-offer,<sup>38</sup>  
vidare Mikkelstoll og Olavstoll nordanfjells,<sup>39</sup>  
og elles skulde all onnor presterenta gjevast etter sedvane,<sup>40</sup> -  
det vil serleg sgja: tienden -.

b) Kyrkjorne.

Likesom embetslønerne vart uppehaldne i den same form som fyrr, som beneficia, fekk kyrkjorne framleides hava sitt gods som stiftelser.<sup>41</sup> Burtset fraa dei kyrkjesor som etterhand vart overflødige og difor nedlagt, heldt reformasjonen kyrkjorne uppe og det som serlege eignedoms-subjekt, som fyrr, med eigne umbodsmenn, kyrkjevevjer.<sup>42</sup> Etter den norske recessen av 1539 skulde kyrkjeumbodsmennerne uppebera inntekterne aat kyrkjorne, halda bygning og ornament vedlike, og gjera rekneskap for provsten.<sup>43</sup> Dei fekk ikkje utan samtykke av provsten bygsla kyrkjejord til sine frendar.<sup>44</sup> Uretteleg fraakome gods skulde

leggjast tilbake til kyrkja, av herremenn, futar, bønder eller andre; <sup>45</sup> - kyrkjevevorne kunde sjølv sagt ikkje avhenda eller draga noko gods ifraa kyrkja, ja maatte ikkje eingong skilja henne ved dei kyr ho hadde ute på leiga. <sup>46</sup> For aa hindra samandring millom prestebordsgodset og kyrkjegodset vart det forbode prestane aa vera kyrkjeumbodsmenn <sup>47</sup>

I ei serskilt vanskeleg stilling kom dei kyrkior som ikkje hadde sokner. Dette gjeld fyrst og fremst domkyrkiorne, som /i dei fleste fall?7 mista sine inntekter ved inndragningi av bispegodset. Dinæst dei kongelege kapell, som i Noreg utgjorde ein serleg organisasjon; daa ordinansen ingenting fyreskreiv um gudstenesta i desse, kunde kongen nytta godset til forleningar for sine tenestemenn, og lata bygningar og tenesta forfalla.

Og for det tredje dei mange smaa kapell, som i den katolske tid var bygt overalt i byar og bygder, av einskilde eller av folket, mista for ein stor del si oppgaa og vart overfløydige i den evangeliske gudstenesteskippnaden og den regulerte soknedeling.

### c) Domkapitli.

Ei serleg stilling innanfyre embetsverket i den evangeliske kyrkja fekk kapitli ved katedralkyrkiorne, som vart verga ved Luthers forbøn og fekk den viktige oppgaa aa vera heimstader for kyrkjeleg lærdom.

Daa Bergenhagen kom til Danmark sumaren 1537, hadde han brev med fraa Luther, som bad Christian III um at kyrkior med kanikar og vikarar "ikke skulde forstyrres eller tages under kronen, men maatte blive ved den brug, de først ere stiktede,



paa det lærde mænd og unge mænd der med maatte forsørgis ok  
hjelpis her udi rigit, som enten have studerit eller vilde stu-  
dere, ok paa det at godt folk ikke skulde holde deris børn fra  
skolen, naar de saa ingen forhaabning være, at de skulde faa  
nogen hjelp ok forfremmis, hvorover paa det latinske maal ok kun-  
de gaa fald ok omsider blive en barbaries udi rigit". <sup>48</sup>

Enndaa kapitli i Danmark lenge var motstandarar av refor-  
masjonen, hørde Christian III paa Luthers ord, og just i den  
tanke, som Luther heldt fram, aa oppmuntra studentarne til stu-  
dier, stadfeste kongen privilegia aat kanikarne ved den nye  
fundatsen for Kjøpenhamns universitet 1539, og kravde tvo aars <sup>49</sup>  
studium ved høgskulen for aa verta utnemnd til prælatur eller  
kanonikat. <sup>50</sup> Kapitli vart stelt direkte under kongen, <sup>51</sup> og kalls-  
retten til kapitelsembeti vart overført til kongen. <sup>52</sup>

Plikterne og rettarne aat kanikane vart nærmare fyre-  
skrivne dels i universitetstundatsen, dels i kyrkjeordinansen  
med tillegg. Dei skulde halda ein lærd teolog i sin by til aa  
fyrelesa offentleg over den heilage skrift paa latin for kanikar,  
skuledeknar, forstandige borgar og andre. <sup>53</sup> I domkyrkja skulde  
kaptlet halda uppe dei kanoniske tider, etter Bergenhagens skip-  
nåd, <sup>54</sup> men altarmessorne fall burt, son nær som høgnessa med kom-  
munion um sundagar og helgedagar. <sup>55</sup> Det stod prælatar, kanikar  
og vikarar fritt for aa liggja ved universitetet og studera, mot  
aa halda ein fatig skuledicipel som sin stadfortredar ved side-  
tenesta i domkyrkja for ei viss løn, <sup>56</sup> og naar dei var ved dom-  
kyrkja, kunde dei nytta si tid til studier - otium honestum et  
literarium, -, - til dei vart kalla for sin lærdom og dugleik  
til noko embete: superintendent, sokneprest, prediker, lese-  
mester ved universitetet, eller til nokor statstenesta (consilia

57  
et labores pro rebus publicis). I si nye stilling skulde dei  
framleides uppebera inntekterne av sitt kanonikat. 58

Den gamle skipnaden med kanikegjeld - soknekall som var  
knytt til einskilde kanonikat - fekk difor staa ved lag til  
vidare. 59

Retten til å velja biskop, det gamle prærogativ som dom-  
kapitli hadde, overførte ordinansen til kjøpstad-sokneprestane, 60  
og sette elles kapitli uttrykkeleg utanfor kyrkjestyringi som  
var tillagt superintendentar, lensmenn og provstar. Men i 1542  
vart domkapitli, 61 saman med superintendentane og lensherrane,  
gjort til domstolar i ekteskaps- og hor-saker (tamperrettarne)  
(s. 1579). 62

Reformasjonen rørte ikkje ved mensa communis, men denne  
ordning, so karakteristisk for den millomalderlege kapitels-  
skipnaden, kom til aa mista sin vaison d'être, daa ordinansen  
gav kanikane lov til aa gifta seg. 63 - Gods og inntekter fekk  
kapitli hava urørt - burtset fraa vikariegods som adelen kunde  
krevja tilbake -. 64  
65

Den stoda reformasjonen gav kapitli, var i det heile sers  
fyremunleg. Det veikaste punktet i den nye skipnaden var kalls-  
retten aat kongen; dén gav høve til aa tildela statstenestemenn  
kanonikat og præbendor, og etterhand som dette vart gjort i den  
fylgjande tid i stigande mun, vart kapitli i Danmark og Noreg  
smaatt um senn hola ut som kyrkjelege institusjonar.

d) Skularne

Likesom i Tyskland la reformasjonen i Danmark - og Noreg - stor vekt paa aa setja skularne paa god fot. Uppgaava aat skularne skulde vera aa utdana til tenesta baade "i christendommen" d.e. i kyrkja, og "udi verdsleg regimente" d.e. i staten. Men i fyrste rekkja var dei, som i millomalderen, framleides dei viktigaste læreverk for utdanning av presteskapet. Og i sjølve reformasjonen hadde dei den store fyreloga aa læra upp ein ny generasjon av evangeliske presteemne.

Difor vart skularne haldne ved makt, ein i kvar kjøpstad, og ein detaljert undervisningsplan vart fyreskriven i kyrkjeordinansen. <sup>66</sup> Superintendenten og kongens lensmann skulde skaffa skulemeister og høyrarar fast løn av kyrkjelege prebendor, <sup>67</sup> og kyrkjeverjorne i kjøpstaderne fekk paalegg um aa halda skulen og bustaden aat skuletenarane ved makt. <sup>68</sup>

Undervisningi i den lærde skulen fekk ved reformasjonen heilt humanistisk karakter, med overvegande profant maal. Hovudfaget var framleides latin, <sup>69</sup> som reformatorarne, ikkje minst Luther, la den største vekt paa. Latinupplæringi vart drivi med fornya energi, nemleg fem heile dagar i vika gjenom fire klassar. Til grunn vart lagt den gamle og velprøvde grammatikken av Donatus (ca. 350), men høgare upp vart humanistiske lærebøker nytta, av Melanchthon, Erasmus o.a. Til tekstlesnad vart berre teke skrifter av heidne klassiske forfattarar: Cato, Æsopus, Terentius, Plantus, Cicero, Vergilius, Ovidius. Maalet for opplæringi var aa tale og skriva klassisk latin, og den formelle evna vart oppøvd ved dialektikk og retorikk etter lærebøker av Melanchthon, og med aa gjera epistlar og vers. I femte klassen kom undervisning i græsk.

Til kristendomsupplæring vart det teke ein heil dag i vika - laurdagen; ho gjekk ut paa utanaatlæring og einfaldug forklaaring av katekisma, opplesing av visse lettare skrifter i det nye og gamle testamente og utanaatlæring av serlege bibelstader og utvalde salmar.

Utover denne elementære kristendomskunnskap gav - som fyrr nemnt - dei teologiske lesemeistrane ved domkyrkjorne ein høgare teologisk undervisning ved sine latinske fyrelesningar over den heilage skrift. Universitetsstudium vart enno ikkje kravt som vilkaar for prestetenesta. Den viktigaste sida av presteutdanningi kom difor, etter ordinansen, til aa kvila paa døøkyrkjelektorarne, serleg i den fyrste generasjon etter re-formasjonen.

Men ei god motvekt mot den einsidige humanisme i skulen gav den daglege kortenesta i kyrkja, ottesong og aftansong, som dei høgare klassorne utførte, og som fyrr er umtala.

Latinskulane vart etter reformatjonen som fyre verande kyrkjelege institusjonar. Superintendenten tilskikka rector eller "skolemester", og rector <sup>70</sup> tilsette sine medlærarar, høyrarane. Disiplane kallast skuleklerkar, dei gjorde tenesta i kyrkja som deknar, og ved <sup>71</sup> domkyrkjorne vart dei nytta som vikarar for fraaverande kanikar ved tidetenesta som chorales. <sup>72</sup> Lærarar og disiplar i skulane bar geistleg drakt.

e) Fattigkista og hospitali.

Recessen 1536 og Ordinansen 1537 fyreskreiv, at alt gods som var gjeve til beste for fattige og sjuke, skulde framleides nyttast dertil, og gjevast tilbake, um det var fraakome med urett, og um det ikkje var nok, vilde kongen leggja til det som vanta, serleg skulde ledigt altargods (vicariedomme) nyttast paa denne maaten. <sup>73</sup> Til same formaal skulde no vendast alle milde gaavor eller almisser: baade testamentgaavor, og pengar som vart samla i religiøse foreiningar ("kalentependinge, brødreskabspendinge, og andre gildespendinge"), og sjelegaavor. <sup>74</sup> Ordinansen paala predikantane aa formana folket, at dei no skulde gjeva til dei fattige "det de tilforne av en god, men dog en vildfarendes mening pleide at give til messer, munke, for sjele, for avlad, for pillegrimsgang, og til anden saadan vild og vrang gudstjeneste." <sup>75</sup>

Der gaar igjenom fattig- og hospitalsskipnaden i den danske ordinansen ein nytestamentleg aand. Kongen minnest Christi ord: "hvad I haver gjort en av de minste i mit navn, det have I gjort mig." Det er til "Gud og vor herre Jesu Christo i de fattige", at dei milde gaavor no vert gjevne. <sup>76</sup>

Difor er det ei hovudsak for reformasjonen aa gjeva det kristne kjærleiksarbeidet ein fast skipnad.

I kvar kjøpstad skal der vera ei "de menige fattiges kiste", der alle milde gaavor vert samla. Som i den fyrste kyrkjelyden vert det tilsett "diakoner" til aa styra med fattigkista, <sup>77</sup> samla inntektene, halda rekneskap og dela ut til dei fattige. <sup>78</sup> Hospitali vert sett paa god fot med sitt gamle gods og <sup>79</sup> med nye inntekter. Fattigkista løner ein gudfryktig gift mann

som forstandar, med dei tenarar som trengst, og hospitalet fær rett til aa senda ei vogn utover bygderne for aa samla almiser. <sup>80</sup>

I hospitali skal diakonarne, etter samraad med soknepresten og i byarne med byraadet, leggja inn trengjande og sjuke fatige. Soknepresten fører kvar vika tilsyn med stellet i hospitalet og tener dei sjuke med sjelesorg. - Ordinansen gav ogs<sup>4</sup>o visse reglar for smittsamt sjuke, og fyreskreiv lækjartilsyn.

Ein stor amngel ved den danske ordinans var det, at han berre ordna fattigstellet i byarne og ikkje fyreskreiv nokon skipnad som høvde for bygderne, serleg ikkje for norske bygder. I Noreg var fraa gamall tid ein fjordedel av tienden esla til dei fattige i bygderne og vart forvalta av bønderne sjølv: bondeluten. I Danmark, der tienden var tredelt, hadde dei fattige ingen tiendepart. Difor høvde den danske ordinansen ille i Noreg i dette stykke.

## Manuskriptets

side:

Noter:

- 1876 <sup>1</sup> DKl. I, 50. Kr. & St. Add.II,33 (s. 51-<sup>1</sup>)
- 1877 <sup>2</sup> Krag & Steph. Chr. III. Add., 64 (s. 51 - <sup>1</sup>)
- " <sup>3</sup> DKl. I, 118 - 119 (s. 51 - <sup>2</sup>)
- " <sup>4</sup> s. 51 (s. 51 - <sup>4</sup>)
- " <sup>5</sup> s. 118. (s. 51 - <sup>5</sup>)
- " <sup>6</sup> s. 49 (s. 51 - <sup>6</sup>)
- " <sup>7</sup> s. 119 (s. 51 -<sup>7</sup>)
- " <sup>8</sup> PRE<sup>3</sup> II, 243 ff.(s. 51 -<sup>8</sup>)
- " <sup>9</sup> Køstlin, Luther <sup>5</sup>II, 204 ff.(s. 51 - <sup>9</sup>)
- " <sup>10</sup> P. Tschackert, Die Augsburgische Konfession, s. 2.54 Kh. Sand, 2.II, 73 (s. 51 - <sup>10</sup>)
- 1879 <sup>11</sup> s. 119 (s. 52 - <sup>1</sup>)
- 1881 <sup>12</sup> /\_andre lærde menn/ (s. 52 - <sup>2</sup>)
- 1882 <sup>13</sup> DMag.4.I, 198-9.  
DKl. I, 242, 397.  
Ha S II, 406 f. NRRI, 168. (s. (s. 53 - <sup>1</sup>))
- 1885 <sup>14</sup> DKl I, 119-20 (s. 54 - <sup>1</sup>)
- 1886
- " <sup>15</sup> DKl II, 42 (s. 54 -<sup>2</sup>)
- 1887 <sup>16</sup> DKl I, 99. 200 (s. 54 - <sup>3</sup>)
- 1888 <sup>17</sup> DKl. I, 99 (s. 54 - <sup>4</sup>)
- " <sup>18</sup> Lat. KO. bl. 40 (s. 54 - <sup>5</sup>)
- 1889 <sup>19</sup> (jfr. s. 1575f.) (s. 55 -<sup>1</sup>)
- " <sup>20</sup> DKl. I, 110 (s. 55 - <sup>2</sup>)
- " <sup>21</sup> jfr. 202 (s. 55 - <sup>3</sup>)
- 1890 <sup>22</sup> DKl. I 111 (s. 55 -<sup>4</sup>)
- " <sup>23</sup> DKl I, 111.102 (s. 55 - <sup>5</sup>)
- " <sup>24</sup> DKl. I,120 f. (s. 55 -<sup>6</sup>)
- " <sup>25</sup> DKl. I, 109f. 121 (s. 55 - <sup>7</sup>)
- 1891 <sup>26</sup> DKl. I, 98f. 135f. (s. 55 - <sup>8</sup>)

Manuskriptets

side:

Noter:

- 1891 **27**<sup>9</sup> s. 101 (s. 55 - <sup>9</sup>)
- " **28**<sup>10</sup> s. 200 f. (s. 55 - <sup>10</sup>)
- " **29**<sup>11</sup> s. 202 (s. 55 - <sup>11</sup>)
- " **30**<sup>12</sup> s. 114 (s. 55 - <sup>12</sup>)
- " **31** s. 99 (s. 56 - <sup>1</sup>)
- " **32** s. 998: "tueantur", "være til det beste". (s.56 - <sup>2</sup>)
- 1892 **33** Paus II, 291-8 (s. 56 - <sup>3</sup>)
- " **34** art. 14 (s. 56 - <sup>4</sup>)
- " **35** art. 15. 18. (s. 56 - <sup>5</sup>)
- " **36** art. 16.18. (s. 56 - <sup>6</sup>)
- " **37** art. 17.18. (s. 56 - <sup>7</sup>)
- " **38** art. 18. (s. 56 - <sup>8</sup>)
- " **39** art. 5.6. (s. 56 - <sup>9</sup>)
- " **40** art. 18. (s. 56 - <sup>10</sup>)
- 1893 **41** NB. 1578 laaner kongen dei pengane kyrkjorne hev i forraad.  
N R II, 272-3 (s. 56 - <sup>11</sup>)
- " **42** DKl. I, 99.102.(s. 56 - <sup>12</sup>)
- " **43** Paus II, 294. art. 13 (s. 56 - <sup>13</sup>)
- 1894<sup>a</sup> **44** ib. art. 14 (s. 56 - <sup>14</sup>)
- " **45** Rek. 1548, art. 4, Paus II, 308 (s. 57 - <sup>1</sup>)
- " **46** Rec. 1539, Bergenstillegget art. 3, Paus II, 297 (s. 57 - <sup>2</sup>)
- 1895 **47** Rec. 1548, art. 8, Paus II, 308 (s. 57 - <sup>3</sup>)
- 1896 **48** Huitfeldt II, 1496.  
Rørdam, Kbh.Univ.Hist. I, 48. (s. 58 - <sup>1</sup>)
- 1897 **49** DKl. I, 36 (s. 58 - <sup>2</sup>)
- " **50** s. 37 (s. 58 - <sup>3</sup>)
- " **51** s. 36. (s. 58 - <sup>4</sup>)
- " **52** s. 5. (s. 58 - <sup>5</sup>)
- " **53** DKl. I, s. 36 f. 122. (s. 58 - <sup>6</sup>)



Manuskriptets  
side:

Noter:

- 1898 <sup>54</sup>DK1 I, 122 (s. 58 - <sup>7</sup>)
- " <sup>55</sup>s. 22-3. (s. 58 - <sup>8</sup>)
- " <sup>56</sup>s. 37 (s. 58 - <sup>9</sup>)
- 1899 <sup>57</sup>Lat. ord. fol. 59, DK1. I, 123 (s. 59 - <sup>1</sup>)
- " <sup>58</sup>DK1. I, 123 (s. 59 - <sup>2</sup>)
- " <sup>59</sup>DK1 I, 100f. (s. 59 - <sup>3</sup>)
- " <sup>60</sup>DK1 I, 116f. (s. 59 - <sup>4</sup>)
- " <sup>61</sup>DK1 I, 123 (s. 59 - <sup>5</sup>)
- 1900 <sup>62</sup>DK1. I, 198 (s. 59 - <sup>6</sup>)
- " <sup>63</sup>DK1. I, 123 (s. 59 - <sup>7</sup>)
- " <sup>64</sup>s. 37 (s. 59 - <sup>8</sup>)
- " <sup>65</sup>s. 1.5; jfr. protesten aat dei evang. predikantane i utkastet til ordinansen, Kh. S. I, 106 (s.59 - <sup>9</sup>)
- 1902 1934 26/10 9,15 - 10 11 tilh.
- 1940 12/9 11,15 - 12 5 tilh.
- 1903 <sup>66</sup>DK1. I, 90-97 (s. 60 - <sup>1</sup>)
- " <sup>67</sup>s. 111.112. (s. 60 - <sup>2</sup>)
- " <sup>68</sup>s. 121. (s. 60 - <sup>3</sup>)
- 1904 <sup>69</sup>Λ Der skulde ikkje vera andre skular enn latin-skulane; "puge-skoler" skulde avleggjast, fordi latinskulane "forderves gjerne av de danske og tyske skoler."
- DK1. I 90 f. (s. 60 -<sup>4</sup> og 5)
- 1907 <sup>70</sup>DK1. I, 110 (s. 61 - <sup>1</sup>)
- " <sup>71</sup>ib. 101 (s. 61 - <sup>2</sup>)
- " <sup>72</sup>s. 100 (s. 61 - <sup>3</sup>)
- 1908 <sup>73</sup>DK1. I, 7. 104.112 (s. 62 - <sup>1</sup>)
- 1909 <sup>74</sup>DK1. I, 112 (s. 62 - <sup>2</sup>)
- " <sup>75</sup>s. 113 (s. 62 - <sup>3</sup>)
- 1910 <sup>76</sup>DK1. I, 113 (s. 62 - <sup>4</sup>)
- " <sup>77</sup>s. 162 (s. 62 - <sup>5</sup>)

manuskriptets

side:

Noter:

1910

~~78~~ s. 102. 103-4. 113 (s. 62 - <sup>6</sup>)

"

~~79~~ s. 103-4 (s. 62 - <sup>4</sup>)

1911

~~80~~ s. 104-5 (s. 63 - <sup>1</sup>)

## Kap. X. Sekularisasjon og reduksjon.

Reformasjonen ikkje berre umskipar og byggjar vidare, paa gamall eller ny grunn. Men han rydjer til side, riv ned, dreg inn, avgrensar, for aa gjeva rom til evangeliet og den evangeliske kyrkjeskipnaden.

Paa programmet aat reformasjons-verket tok difor sekularisasjon og reduksjon ein stor plass. Og denne delen av programmet vert gjennomført med statsmakt, hardt og ubønhørlegt, utan aa spara.

Motivet er ikkje reint aandelegt. Hand i hand med kravet um eine-raaderom for Guds reine ord og evangelium gaar sterke økonomiske interessor, baade hjaa kongen og hjaa adelen, som baae hadde dei største fyremuner av sekularisasjonen og reduksjonen.

Difor fekk reformasjonen lagnads-tunge fylgjor for ei rekkja institusjonar i kyrkja, og det just dei som i fyrste rekkja var berarar av den kyrkjelege kultur-arven: bispestolane, klostri, dei kongelege kapell, altorar og prebendor, kyrkjebygnaderne med sitt utstyr, brødralagi og gildi.

### a) Bispestolane.

Reformasjonsverket gjorde - som eg fyrr hev greidt ut - reint bord med bispedømet som samfundsmakt og økonomisk faktor.<sup>1</sup> Det gav kongedømet stor politisk styrke, at kyrkja vart sett utanfyre riksstyringi, og at det ytre kyrkjeregimentet vart lagt under kongen. Det tilførte kongedømet veldug økonomisk vinning, at alle eigedomane og inntektene aat biskopane vart inndregne under krona.

Av jordegodset, det sokalla "stiktens gods", vart inkje nytta til beste for kyrkja. Alt gjekk til kongen og riket.<sup>2</sup>

Christian III fylgde ikkje Luthers og Bugenhagens oppmaning i 1536 um aa skilja undan munalegt av det inndregne kyrkjegodset til kyrkjeleg bruk.<sup>3</sup>

Det same gjeld bispetienden. Bugenhagen raadde i 1546 kongen til aa overlata den til kyrkja, men det vart ikkje gjort, og bispetienden vart etter reformasjonen oppboren som kongetiende. Christian III forlente stundom kongetienden til sine menn, men unnte aldri kyrkja noko av den.<sup>4</sup> Fyrst fraa hans ettermann Frederik II's tid vart kongetienden i visse fall gjeven til kyrkjeleg bruk.

Det biskopelege sakfall i kristenrettssaker tilfall likeins kongen. I den katolske tid var sakfallet innkravt av dei biskoppelege provstane, som for det meste var lækfolk; kristenrettssaker som vart avgjort med bøter, kallast difor "provstesaker".<sup>5</sup> Etter reformasjonen vart bøter i provstesaker inndrivne av kongen, framleides ved lækmannsprostar, som no lydde under dei kgl. lénsmenn og kallast

" hofmannsprovstar" , eller av futane.<sup>6</sup>

Den biskoppelege rett til gjesting (veitsla) i prestegardane paa visitasreisor tilfall - kor utruleg det lyder - ved reforma- sjonen kongen, og vart brukt av hans lénsmenner og futar, som rekna det for "den største profit", at dei kunde liggja hjaa prestane paa embetsreisor.<sup>7</sup>

Bispegardane la kongen under seg og let sine lénsmenn nytta deim; i Trondheim og Stavanger hev dei difor faatt namnet kongsgardar.

I Trøndelag, der kongen aldri hadde havt nokon hovudsmann den tid erkebiskopane raadde, tok den kongelege lensherren i 1537 sete paa erkebiskopsborgi Steinvikholm, men i 1556 flutte han til erkebispe- garden i Trondheim,<sup>8</sup> og den dag i dag er det kommandanten og ikkje biskopen som raader der. Steinvikholm tok skade i krigen 1564, og kongen let det sidan delvis bryta ned.

Paa Stavanger bispegard sat det i den fyrste tid etter inndrag- ingi ein fut for lensherren paa Bergenhus, men sidan laag garden mesta ubrukt og forfall, til han i 1607 vart oppaattbyggt til sete for lensherren over Ryfylke etc.<sup>9</sup> I vaare dagar gjer han tenesta som skulebygnad.

Hamar bispegard fekk ein kongeleg lensherre i 1537. Sidan var lenet stundom under Akershus, stundom for seg sjølv. Men i 1567 brente svenskane bispegarden og sprengte murane med krut. Seinare var Storhamar ladegard under Akershus, og vart selt til privateiga paa 1600talet.<sup>10</sup> Resterne av bispegarden finst enno i laavebyggnaden.

Oslo bispegard let kongen i 1537 delvis riva ned; steinane vart nytta til bygning paa Akershus, det meste av grunnen gav kongen til Oslo-borgarar.<sup>11</sup> Resten av bispegarden tente som embetsbustad for dei fyrste superintendentane, 1542-54,<sup>12</sup> laag sidan som ladegard under Akershus, brann i sjuarskrigen 1567, og vart tilslutt avhendt i 1579 til borgarmeisteren i Oslo som vederlag for krigslaan til kongen; leivningar finst enno i "Oslo Ladegaard".<sup>13</sup>

Bergens gamle bispegard var nedriven 1531 av militare umsyn. Munkliv kloster, som biskopen fekk til residens i staden, vart øyde- lagt ved brand under ufreden i 1536.

## b) Klostri.

Med klostri vart det fare fram paa tvo ulike maatar ved reforma- sjonen, strengare og mildare.

Mot tiggarmunkane var den evangeliske kyrkja ubønhørleg. Ved ordinansen vart dei utvist av riket, med mindre dei vilde avleggja kapp og vera lydige.<sup>14</sup> I Danmark vart dei fleste tiggarmunkekloster oppløyste ved klosterstormen under Frederik I, og den same lagnaden hadde no dei faa som vart att.

Av dei ni norske tiggarmunkekloster var ogso dei fleste visstnok oppløyst fyre reformasjonsaaret 1537; Fire av dei hadde brunne: i 1528 dominikanklostret i Bergen, der munkane gjekk i tenesta hjaar. Vincens Lunge; i 1531 minoritklostret i Nidaros, der kyrkja i 1559 vart gjevi burt til ein Trondheimsborgar; i 1531 i Konghella, der steinane vart nytta til aa byggja paa Baahus slott; i 1536 i Tunsberg, der jordeigedomane i 1551 vart gjevne til latin-skulen.

For tvo kloster endar soga i uvissa: Um dominikanklostret i Nidaros, som vart spara ved bybranden i 1531, veit me inkje etter den tid. Minoritklostret i Marstrand er ikkje nemnt i heile slutten av millom-alderen (etter 1458), men kyrkja vart visstnok teki til soknekyrkja for byen.<sup>15</sup>

Tri kloster var att, som kongen tok raadvelde over ved reformasjonen: Minoritklostret i Oslo gav han i 1538 til borgarane i Oslo til hospital;<sup>16</sup> bygnaderne, som var av tre, brann under krigen i 1567, og ein ny bygnad vart oppført av stein 1580,<sup>17</sup> den staa enno og er framleides i bruk; kyrkja som seinare er umbygt, er no soknekyrkja for Gamlebyen.

Dominikanklostret eller Olavsklostret i Oslo gav kongen helvti til hus for katedralskulen i Oslo 1542/46,<sup>18</sup> helvti til superintendenten Frans Berg og hans arvingar til eiga 1552.<sup>19</sup> Ved byte med biskop Bergs arvingar i 1622 vart denne sistnemnde luten bispegard,<sup>20</sup> og hev sidan vore bruke til det, fleire gonger umbygt, sist i 1880-aari; tri gotiske rom fraa det gamle klostret finst enno i bispegarden.

Minoritklostret i Bergen gav kongen Geble Pedersson til superintendent-residens og gjorde Klosterkyrkja, Olavskyrkja i Vaagsbotn, til domkyrkja.<sup>21</sup> Mester Geble bygde paa bispegarden og domkyrkja og sette baae vel i stand.<sup>22</sup> Bispegarden vart nedriven i 1835;<sup>23</sup> domkyrkja er framleides i bruk.

Mildare for reformasjonen med dei andre klostri.<sup>24</sup> Dei vart ikkje nedlagde og oppløyste med eitt slag, men fekk staa ved makt til konventi døydde ut av seg sjølv. Munkane og nonnorne fekk fri-dom til aa gaa ut av klostri etter sitt eige samvit, eller vera um dei vilde. Men dei maatte taka ved den nye læra, og for klostergodset raadde kongen. Som fyrr fortalt, utarbeidde Bugenhagen ei ny gudsteste-ordning for kapitli og klostri, og det vart tilsett lesemeistrar i munkeklostri og predikantar i nonneklostri. Baade fyre og etter reformasjonen var klostri sume stader heimar for sokneprestane i

i dei umliggjande káll; dei vart ogso nytta til fengsel for geistlege personar. Etter reformasjonen skulde klostri halda 1-2 studentar ved universitetet.

Dei klostri, som var øyde, daa reformasjonen kom, vart straks inndregne og jordegodset lagt under kongen. Dei andre fekk leva vidare, og ibuarane skulde fylgja sin regel og bera sin gamle bunad, men utan tontur. Men daa klostri vart lausrivne fraa sine ordnar, og ikkje fekk halda fatt ved dei katolske tradisjonane, viste det seg, at klosterlivet ikkje kunde slaa rot i den evangeliske kyrkja. Der var ikkje rom for tanken um noko meritum ved eit liv avskilt fraa verdi i askese og gudelege øvingar, og dermed hadde klostri tapt sin raison d'être. Difor vart tilgangen etter reformasjonen til mannsklostri ingen, til kvinneklostri liten.

Mannsklostri oppløyste seg sjølv. Ein munk er umtalt ved Oslo lagting 1574.<sup>25</sup> I Danmark heldt Sorø og Antvorskov seg lengst; der døydde dei siste munkane i 1580-aari.

Kvinneklostri heldt seg betre. Sume av dei vart vedlikehaldne som "jomfrukloster" for adelege damor, men skifte karakter og vart forsyrgingsheimar utan verkeleg kyrkjeleg oppgaaava. I 1548 var det ogso i Noreg paa tale aa faa eit jomfrukloster, visstnok Nonneseter i Oslo. Av dei gamle kloster i Danmark hadde Mariager systrar enno i 1584; lengst av alle heldt Maribo seg, det vart oppløyst 1621; baae desse var birgittinkloster. I 1595 vart nonnorne utdrivne av moderklostret i Vadstena, det siste kloster i Sverige.<sup>26</sup>

Av dei 19 norske klostri umfram tiggarklostri var tri alt i den katolske tid inkorporert i kyrkjelege institusjonar, nemleg: Jonskyrkja i Bergen i archidiakonatotet i Bergen 1450.<sup>27</sup> Selja kloster i Nidarholms kloster 1497.<sup>28</sup> Munkliv kloster i Bergen i Bergens bispestol 1531.<sup>29</sup>

I aari 1528-32 vart ni kloster sekularisert, nemleg:  
1528 Nonneseter i Bergen, burtgjeve til hr. Vincens Lunge.  
1529 Gimsøy nonnekloster.

Kastelle kloster ved Konghella.

1531 Tautra kloster.

Reins kloster.

1532 Hovudøy kloster.

Olavsklostret i Tunsberg.

Verne kloster.

Dragsmark kloster.

Dei otte sistnemnde vart lagde under verdsleg styring paa kongens vegner, tildels med plikt til aa føda og klæda klosterfolket, og eit

par stader - i Gimsøy og Dragsmark - heldt konventi seg ei tid etter reformasjonen.

I reformasjonsaaret 1537 var det berre sju kloster att, som framleides vart heilt sjølvstendige:

Nidarholm

Helgeseter ved Nidaros

Bakke ved Nidaros

Lyse i Midthordaland

Halsna i Sunnhordaland

Utstein i Ryfylke

Nonneseter i Oslo.

Desse vart etterhand inndregne i aari 1537-47 og godset lagt under verdslege lensherrar. Konventi fekk staa ved lag ei tid etter reformasjonen, men dei siste klosterfolk i Noreg døydde burt i 1560-70-aari. Den instruks, som var gjeven Eske Bille um klostri i Bergens stift 1537 (s. 1540f.) er soleis fylgd for alle norske kloster.

#### Opplysningar um den siste saga aat dei einskilde kloster.

##### I. Nidaros bispedøme.

1. Holms kloster, eit benediktin- eller kluniacensarkloster fraa fyrste aarti av 1100talet, vart øydelagt ved Trondheims brand 1531, og det er tvilsamt um konventet sidan kom heilt paa fote igjen. Erkebiskop Olav lét etter seg herfolk til aa forsvara klostret, daa han for or landet i 1537, men klostret overgav seg snart til dei danske hovdingane som kom til Noreg same vaaren. Klostergodset vart gjeve som verdsleg forlening til Jens Bjelke, men vart kort etter lagt under Steinvikholms (sidan Trondheims) len. Dei festningsverk som no er paa Munkholmen, er bygde i 1670, og rundbyggnaden hev den same form som den gamle klosterkyrkja, men er ikkje identisk med den.
2. Bakke kloster ved Nidaros, eit benediktinnonnekloster fraa 1100talet, fekk staa ved lag. Ein verdsleg forstandar vart innsett ved reformasjonen (fyre 1542); han underheldt klosterfruorne og budde sjølv i klostret til 1556, daa flutte han til Steinvikholm.<sup>30</sup> Den siste abbedissa døydde i 1561. Klostergodset var sidan ei verdsleg forlening, men vart selt av Frederik III i 1660. Svenskane øydelagde bygnaderne i 1564.
3. Helgeseter kloster ved Nidaros, for augustinkannikar, grunnlagt av erkebiskop Eystein (1161-88) og atterreist av erkebiskop Olav Trondsson (1458-74), stod ved lag enndaa til 1546. Daa gav kongen klosterbyggnaderne til bustad for superintendenten, og prioren fekk setja seg ned i byen. Samstundes var klostergodset lagt under Steinvikholms (Trondheims) len. Klostret fekk asylrett i 1552, det einaste

døme paa fredlyst heilagstad i Noreg etter reformasjonen, og der vart halde gudstenesta i kyrkja so lenge superintendenten budde der. Men i 1559 fekk lensherren taka Helgeseter til avlsgard, superintendenten laut flytja, og i 1564 øydelagde svenskane bygnaderne. Ruiner var synlege enno i 1770-aari, men ikkje no lenger.

4. Tautra kloster, eit cisterciensarkloster, grunnlagt 1207, var - som fyrr umtala - kome i stort forfall under den siste abbeten, den danske Matthias Henriksson, som vart stelt for kyrkjeleg rett 1531. Han avstod klostret til hr. Nils Lykke, som i 1532 fekk kongens forleningsbrev paa det, mot aa uppehalde konventet og innføra "Guds ords reine og klare udlegning og forkyndelse" der. Utan tvil er klostret atter blitt fritt, daa Nils Lykke i 1535 vart fengsla og dømd og drepen, og i 1536 tente det som fengsel for dei politiske fangane aat erkebiskop Olav. Mem kort etter reformasjonen gav kongen det i verdsleg forlening til Jens Bjelke, og etter hans tid kom det under Trondheims len. Av klosterbyggnaderne er inkje att, men eit stort stykke av nordmuren av kyrkja staar.

5. Reins kloster, eit nonnekloster av uviss orden, kannhenda augustinkorfruvor, skipa av Skule jarl Baardsson umlag 1230, kom i 1531 i henderne paa fru Inger til Austraat, som let seg velja av abbedissa og systrane til forstandarinne, og i 1532 fekk fru Inger kongebrev paa dette valet, paa same vilkaar som Nils Lykke i Tautra, og i 1541 livsbrev paa klostret. Etter hennar død var det ei verdsleg forlening, til kong Frederik III selde det i 1660. Av klosterkyrkja staar enno store ruinar.

## II. Bergens bispedøme.

6. Selja kloster i Nordfjord, av benediktinordenen, truleg av dei eldste i Noreg, var i 1497 av pave Alexander VI sambunde med Nidarholms kloster og lagt under styre av abbeten der. Sidan veit me ikkje noko um klostret, til Christian III i 1545 gav godset til St. Jørgens hospital i Bergen. Av kyrkja staar det enno merkelege ruinar.

7. Munkliv kloster ved Bergen, grunnlagt som benediktinkloster fyrst paa 1100talet og umskipa til birgittinkloster 1420/25, vart med alle sine inntekter overdrege til Bergens biskop og domkapitel 1531 til bispesæte og domkyrkja, til vederlag for Kristkyrkjorne og dei andre kyrkjelege bygnaderne paa Holmen ved Bergenhus, som var nedrivne av forsvarsumsyn. Bytet kom istand etter tiltak av kongen og ved ei semje millom lensherren paa Bergenhus og Bergens biskop og kapitel, og vart stadfesta av kongen same aar, men det var ulovleg ferd baade av kongen og biskopen. Det var det store jordegodset som fylgde med ved bytet, som biskopen let seg lokka av. Dei klosterjomfruvorne som vilde bli i Munkliv, skulde underhaldast av dom-



kapitlet. Eske Bille baud konventet det kongelege kapell Allehelg-enskyrkja med jamngodt gods i vederlag, men abbedissa sette seg imot og vart verande i Munkliv med nokre nonnor; dei andre for til Vadstena.

Munkliv vart brennt 1536 av Tord Rod som skulde forsvare Bergen mot erkebiskop Olavs herfolk under Kristofer Trondsson Rustung. Han innkallte dei umbuande bønderne til aa brjota kyrkja ned med jarnstenger. Klostret var ikkje verre medfare av branden, enn at superintendenten Geble Pedersson tenkte paa aa setja det i stand, men han oppgav det, daa han fekk Minoritklostret med Olavskyrkja i Vaagsbotn til bispegard og domkyrkja.

Munklivs murar stod enno lenge, men steinane vart tid for tid nytta til andre byggearbeid, og no er berre grunnvollane att.

Munklivs klostergoods som hadde fylgt bispestolen sidan 1531, vart forlent til den fyrste evangeliske superintendenten i Bergen Geble Pedersson i 1537, samstundes med at han fekk si utnemning. Dertil hadde han som archidiaconus Jonsklosters gods. Daa han var død i 1557 vart Munkliv klostergods og Jonsklosters gods baae sekularisert, og var sidan ei verdsleg forlening.

Den siste nonna i Munkliv var ærleg og velbyrdug jomfru Elisabeth Pedersdotter til Thjøtta. Ho fekk sitt livsupphald hjaa Geble Pedersson i den nye bispegarden i Minoritklostret. Ho døydde i 1568 og var den av alle klosterfolk i Noreg som levde lengst i sin stand. 8. Nonneseter i Bergen, grunnlagt som cisterciensarnonnekloster i 1130aari, i 1507 umskipa til munkekloster av Antoniusordenen, var i den fyrste reformasjonstid visstnok blitt smitta av Lutheriet (jamfør Munken Antonius, 1526), og torde derved vera kome i oppløysning. Frederik I gav i 1528 klostret med alt sitt gods til hr. Vincens Lunge og hans arvingar, til takk for dei tenestor han hadde gjort kongen.<sup>31</sup> Det er den største kongelege gaava til nokon einskild mann som vaar saga kjenner.

Vincens Lunge let straks klostret byggja um til bustad for seg, - det kallast sidan Lungegarden. Av klosterbyggnaderne staar enno taarnet og sakristiet av kyrkja.

9. Jonsklostret i Bergen, eller St. Hans kloster, som det heitte i 1500talet, eit kloster for regulære Augustinkanikar, grunnlagt i 2dre helvti av 1100talet, var blitt nedlagt alt paa 1400talet og inkorporert i Bergens archidiakoniat. St. Hans klostergods, som superintendenten Geble Pedersson hadde i eigenskap av archidiaconus, samtidig med at han som biskop var forlent med Munkliv klostergods, vart sekularisert saman med dette etter Gebles død i 1557.

Kyrkja stod enndaa paa Gebles tid, men vart i 1552 gjevi til Bergens borgarar til aa byggja raadhus. Det vart ikkje gjort denne bruk av gaava, men steinane vart nytta til andre byggearbeid. I taarnet vart det halde brandvakt fraa 1579 (vektertaarnet), inntil det paa 1700talet gjekk over paa private hender. Der er no inkje att av kyrkja og klostret.

10. Lyse kloster i Midthordaland, det eldste cisterciensarklostret i Noreg, skipa i 1146, stod ved lag enno i 1537. Men det fekk da snart ein verdsleg styrar (utnemnd fyre 1541), den siste abbeten vart sokneprest i Os, og klostergodset var fraa 1546 pantelen under Bergenhus og sidan oftast ei serleg, verdsleg forlening. Bygnaderne stod lenge etter reformasjonen, og det finst enno merkelege ruinar.

11. Halsna kloster i Sunnhordaland, eit augustinkanikekloster, skipa av jarlen Erling Skakke i 1160aari, var i full stand enno i 1536, men ved reformasjonen vart det forlent til Jens Splid, den danske adelsmannen som leida herferdi mot erkebiskop Olav i 1537. Jens Splid hadde klostret i 1538,<sup>32</sup> og godset var sidan ei verdsleg forlening, til det vart selt paa 1700talet.<sup>33</sup> Dei siste leivningane av klosterbyggnaderne forsvann i 1840-aari.<sup>34</sup>

### III. Stavanger bispedøme.

12. Utstein kloster i Ryfylke, av augustinkanikeordenen, truleg fraa 1200talet, var blitt vel verja av biskop Hoskold mot Vincens Lunges griske hender, og var i full stand enno i 1537. Daa vart det gjeve i verdsleg forlening, og var det sidan, inntil Frederik III i 1665 selde klostret med alt gods.<sup>35</sup> Av klosterbyggnaderne staa enno dei viktigaste, um òg tilbygde og forandra, og av kyrkja vert enno koren bruka som soknekyrkja. Utstein kloster er det einaste kloster i Noreg, der byggnaderne enno staa under tak.

### IV. Oslo bispedøme.

13. Hovudøy kloster, eit cisterciensarkloster grunnlagt i 1147, vart brennt under krigen i 1532, og daa abbeten hadde halde med Christiern II, vart klostret med allt sitt gods inndrege og lagt under Akershus len. Steinen fraa dei øydelagde klosterbyggnaderne er tid for tid nytta paa Akershus slott og i 1307-8 til batterier paa øyi, men enno stend munalege ruiner av baade klostret og kyrkja.

14. Nonneseter i Oslo, eit benediktinnonnekloster fraa 1100talet, vart staaande ved lag etter reformasjonen, og vart reformert i samhøve med kyrkjeordinansen, idet ein luthersk predikant vart innsett (fyre 1548).<sup>36</sup> Noregs rikes kanslar Peder Huitfeldt fekk i 1547 klostergodset i len utan avgift, mot aa føda og klada nonnorne og halda klosterbyggnaderne ved like. -

Nonneseter kallast paa den tid "jomfrukloster"; og etterdi den norske adelen i 1548, ved prins Frederik (II)'s hylling i Oslo søkte um, at det maatte verta skipa eit jomfrukloster i Noreg for adelsdøtrar,<sup>37</sup> var det vel tanken, at Nonneseter skulde tena dette formaalet.<sup>38</sup> Sidan 1551 vart "Vor Frue kloster i Oslo" som det no kallast stadig burtforlent avgiftsfritt med plikt til aa opphalde "de jomfruer der nu inde ere eller herefter indgivendes vorder." Siste gong ei nonna (syster) er nemnd med namn, er i 1551.

Bygnaderne, som visstnok vart istandsett i 1550-aari,<sup>39</sup> stod enno paa 1600talet, men var nok daa for lenge sidan øyde. Ein tysk jarnstøypar hadde ein smelteomn i klostret i 1606, og i 1616 gav kongen Oslo borgarar kyrkjemuren til aa byggja raadhus av. Dei siste leivningane er no longo forsvunne.

15. Gimsøy kloster ved Skien, eit benediktin-nonnekloster fraa fyrsten av 1100talet, var blitt sekularisert alt av Christiern II, truleg mot plikt til opphald for nonnorne. Biskop Hans Rev i Oslo restituerte klostret i 1525, men i 1529 gav Frederik I paa nytt klostret i verdsleg forlening, med den vanlege plikt til aa føda og klæda jomfruvorne (d.e. nonnorne). Etter Frederik I's død freista biskop Hans Rev atter aa restituera klostret, men reformasjonkongen Christian III gav det i 1538 i len utan vilkaar til aa opphalda ibuarane.<sup>40</sup>

Etter raad av den tyske bergmeisteren Hans Glaser, som paa denne tid vart sendt til Noreg, la kongen klostret til dei nyuppteke bergverk i Telemark. Den siste nonna drog ut av klostret i 1540, og kongen gav sin berghauptmann i Noreg klostret til bustad og paala honom aa byggja ei smeltehytta der, 1540. - Baade klostret og kyrkja brann i 1546, og klostergodset vart lagt under Brattsberg len. Gimsøy hovudgard vart sidan lagt ut til residens for lensherren, men selt i 1662. Alle synlege leivningar av klostret er longo forsvunne.

16. Olavsklostret i Tunsberg, eit præmonstratensarkloster fraa 2dre helvti av 1100talet, gav Frederik I i 1532 burt som avgiftsfri forlening mot aa føda og klæda munkane. Biskop Hans Rev i Oslo freista i 1533 aa restituera klostret, men i 1536 brann byen og klostret ned, og konventet spreiddest. Sidan var klostergodset stundom pantelen, stundom avgiftslen, inntil kongen i 1671 skøyte det til Peder Griffenfeld; soleis vart det grunnlaget for greivskapet Griffenfeld, sidan Jarlsberg.

17. Verne kloster, eit Johannit-hospital fraa 2dre helvti av 1100talet, vart sekularisert i 1532 av Frederik I, avdi prioren var gangen Christiern II til hande. Kongen gav det daa i verdsleg forlening mot

aa upphalda brødrane. Daa biskop Hans Rev i Oslo freista aa faa klostret restituert i 1533, var konventet spreidt, og berre ein munk tilbake, - han tente futen som skriivar. Fraa 1537 var klostergodset stadig verdsleg forlening, inntil 1665 da kongen selde det.<sup>41</sup> Av klosterbygnaderne er nokre kjellarar leivt.

18. Kastelle kloster ved Konghella, eit augustinkanikekloster, grunnlagt av erkebiskop Eystein (1161-88), vart sekularisert i 1529 av Frederik I, som gav klostret som len paa avgift. Klostret tilhørde erkebiskopen, og han protesterte, men faafengt. Truleg er det restituert etter Frederik I's død, men den verdslege forlening vart fornya i 1539, og klostergodset sidan lagt under Baahus slott. Leivningar.

19. Dragsmark eller Mariskog i Baahuslen, eit præmonstratensarkloster, skipa av kong Haakon Haakonsson, var alt av Christiern II lagt under verdsleg forstandar, og hadde sidaa ingen vigd abbet. Den verdslege forlening vart fornya i 1532 og etter reformasjonen fraa 1544, men mot underhaldsplikt til munkane.<sup>42</sup> Dei skal ha faatt lov av Christian III til aa vera i klostret mot aa halda ein luthersk prest, som dei òg gjorde, - til dei vart utjaga i 1560aari.<sup>43</sup> Av klostret finst ruiner, serleg av kyrkja.

#### c) Dei kongelege kapell.

Likesom bispedømi og klostri vart den kongelege kapell-institusjonen, som kong Haakon V hadde organisert, ogso oppløyst ved reformasjonen. Men medan bispegodset og klostergodset vart fullstendig sekularisert, kom det kongelege kapellgodset delvis kyrkja til gode.

Som fyrr umtala (VII.5, s. 1435ff.) let Frederik I kapellinstitusjonen i Noreg so aa segja systematisk forfalla. Under honom vart i aari 1525-30 fem av dei 14 kongelege kapell i Noreg burtgjevne som verdslege len. Under Christian III heldt sekulariseringi fram, fyrst og fremst i Bergen, der midpunktet for dei kongelege kapell var.

Etter at Apostelkyrkja og Kristkyrkja i Bergen var nedrivne i 1531, hadde dei kongelege kyrkjeembete, som vart knytt til desse, fullkomen tapt kyrkjeleg karakter. Innehavarane var i namnet klerkar, men i gagnet berre kongelege tenestemenn utan kyrkjelege funksjonar.

Kapitlet ved Apostelkyrkja, som i si glanstid talte 12 medlemmer, eksisterte ikkje no lenger. Kapitelsgodset er rimeligvis blitt samanslege med provstigodset, og det heile rekna som ei forlening under namnet "Apostelgodset". Den siste kyrkjelege innehavaren av provstiet var den danske kongetenaren domprosten i Ribe meister Iver

Juel, som ved reformasjonen gjekk over i verdslegt stand og gifta seg.<sup>44</sup>

Deknedømet ved Bergens domkyrkja, som hadde teke upp i seg det kongelege kapell Allehelgenskyrkja i Bergen og stod under kongelegt patronat, var i Frederik I's siste aar<sup>45</sup> gjeve til ein dansk kongetenar, som var avlønt med kyrkjelege beneficier, nemleg rentemeisteren Anders Glob.<sup>46</sup>

Ved kongeskiftet i 1536 vart overgangen av dei bergenske kongelege kyrkjeembete til verdslege forleningar fullbyrda. Samtidig med at Christian III nærma seg den endelege sigeren over sine motstandarar, ser me hender fraa fleire kantar retta seg ut etter dei innbringande og byrdefrie bergenske kyrkjelen,<sup>47</sup> medan den danskfødde Noregs rikes kanslar Morten Krabbe ynskte aa verta biskop i Bergen.<sup>48</sup> Det var ingen kyrkjeleg tilsynsmann som raadde for dei kongelege kyrkjelen, - kapellpresteskapat var sjølvstyrt, - det var den kongelege lensherren paa Bergenhus, som hadde det avgjerande ordet. Eit fyremælingsbrev til hr. Esge Bille fraa kongens sekretær Jesper Brochmand for tvo kongelege danske skrivarar til provstiet og deknedømet gjev eit humoristisk-kynisk uttrykk for situasjonen under den kyrkjelege oppløysingsprosessen.<sup>49</sup>

"Kjære Eske, daa efterdi de baade er ubekjende med eder, saavel hr. provest som hr. degen, daa have de bedet meget, at jeg vilde skrive for dennom til eder, at I vilde vide de fattig dansk karles beste, thi at ingen av dennom er saare meget bevandret udi de norske klipper... De ville ingen anden procurator have der udi kapitel uden eder, thi at de ingen vide der bedre skal kunne fly deris ting i Nordlandene til rette end I. Kommer den store mester Morten Krabbe did for en biskop, ok han faar desse to til sig, da vil jeg love eder god for, at der ere ikke slige 3 gildebrødre igjen for dennom udi det kapitel."

Apostelgodset forlente Christian III til hr. Vincens Lunges enkja fru Margrete,<sup>50</sup> sidan til den kongelege skrivaren Jørgen Pederssøn.<sup>51</sup> I namnet var provstiet framleides eit kyrkjeembete, og daa det i 1554 gjekk over til ein ny innehavar, den adelege danske kongesekretæren, Christoffer Valkendorf, som sidan vart lensherre paa Bergenhus, daa skjede det paa det vilkaar, at han skal vera "ordinansen undergiven".<sup>52</sup> Men etter det som var hendt, var dette berre ein talemaate.

Deknedømet i Bergen fekk den kongelege danske skrivaren Henrik Holk<sup>53</sup> i 1536.<sup>54</sup> Det tilhøyrande godset kallast Allehelgens gods og var sidan ei kongeleg forlening,<sup>55</sup> til det i 1601 vart lagt under Utstein klostres len.<sup>56</sup> Allehelgenskyrkja overlet kongen i 1551 til

Bergens borgarar til nedriving<sup>57</sup>; kyrkjeskipet vart ei tid (1569-1623) nytta som fengsel.<sup>58</sup>

Det andre store kongelege kapell-embete var provstiet ved Mariakyrkja i Oslo, som sidan Haakon V's tid i regelen var knytt til rikskanslarembetet som løn for kanslaren. Den siste kyrkjelege innehavaren av provstiet og kanslarembetet var ein dansk kongeleg klerk av den vanlige typen fraa slutten av millomalderen, mester Morten Krabbe, provst i Thyholm i Børglum bispedøme, tidlegare kongeleg sekretær, kandidat til bispestolen i Bergen 1535-36.<sup>59</sup> Daa han døydde i 1542, vart provstiet sekularisert; det vart gjeve i forlening til den slottsskrivaren paa Akershus som styrde kanslar-embetet,<sup>60</sup> og daa ny kanslar etter hans død (1546)<sup>61</sup> vart utnemnd i 1547, fylgde provstiet sidan i regelen dette embetet, solenge det stod ved lag, til 1679.<sup>62</sup> I den fyrste tid etter reformasjonen reknast provstiet som eit kyrkjelegt embete, og kanslaren Peder Huitfeldt vart i 1547 forplikta til (kyrkjeleg) tenesta etter ordi-nansen.<sup>63</sup> Men kanslarane var alltid lækmenn, og provstiet var di-for no berre eit verdslegt len.

Derimot vart ikkje kapitlet sekularisert. Mariakyrkja hadde 6 kanikar og 6 vikarar,<sup>64</sup> og der var framleides korteneste i kyrkja i 1542.<sup>65</sup> Men etter framlegg av den nye superintendenten Hans Rev vart kapitlet ved Mariakyrkja i 1542 slege saman med domkapitlet ved Hallvardskyrkja og lagt under dette,<sup>66</sup> og jordegodset<sup>67</sup> aat baae kapitel samansmelta. Oslo kapitel vart dermed det rikaste domkapitlet i Noreg.

Av dei fem kongelege kapell som var sekularisert under Frederik I, vart dei fleste etterkvart gjevne tilbake til kyrkjeleg bruk under Christian III.

Avaldsnes Olavskyrkja, som i millomalderen var ei kollegiat-kyrkje, la kongen til superintendenten i Stavanger i Jon Guttorms-sons tid, og han heldt ein sokneprest ved kyrkja som vicepastor.<sup>68</sup>

Mariakyrkja paa Troms, som paa 1400talet ei tid hadde vore knytt til Trondheims domkapitel, vart no etter reformasjonen atter same-bunde med dette, og i 1585 annektert til sokneprestembetet ved dom-kyrkja i Trondheim; 1638 var det eige kall.<sup>69</sup>

Krosskyrkja i Fana ved Bergen, som fyrr alltid hadde vore kyrkje-legt beneficium, fekk igjen sokneprest i 1557.<sup>70</sup>

St. Jørgens (og Stefans) hospital i Tunsberg la kongen i 1547 til Oslo hospital, og det fylgde sidan dette.

Derimot vart ikkje Mikaelsskyrkja i Tunsberg gjevi tilbake til kyrkjelegt formaal. Denne kyrkja, som laag paa Slottsfjellet ved sida

av bergi, var ei kollegiatkyrkje med provst og 4 korsbrødrar og 2 deknar m.m.,<sup>71</sup> og vart i millomalderen søkt som valferdskyrkja.<sup>72</sup> Men daa Tunsbergshus vart øydelagt under Knut Alvssons reisning i 1503,<sup>73</sup> er rimelegvis ogso Mikaelsskyrkja blitt ruinert; korkje bergi eller kyrkja vart oppattbygde; kyrkjegodset vert ikkje umtala ved eller etter reformasjonen, og det er utan tvil blitt sekularisert for godt.

Noter:

- 1) F 486.
- 2) DK1 I, 4.
- 3) s. 1549.
- 4) NRR I, 62-3. 63, o.fl.
- 5) NRR I, 81-2. DN IX 759. XI 672.
- 6) NRR I, 133. DN XIII, 791. DN XI, 672.
- 7) Birkeland, Hist. Skr. ~~II~~, 352.
- 8) NRR I, 201.
- 9) NRR I, 214. III, 645. IV, 226f.
- 10) O.K., Hedmarksgarder III, 46-53.
- 11) DN III, 1148.
- 12) NRR I, 175.
- 13) NRR II, 323. - (Collett, Gl. Chra. bill. ny udg., s. 131, Edv. Bull, Oslos historie, s. 406, begge uriktige aarstal: C. 1575, B. 1554.)
- 14) DK1 I, 80. Lindbæk, Dr. Francisk., 88-9.
- 15) Wilh. Berg, Bohuslän II, 62.
- 16) NRR I, 55.
- 17) n.hist.T. 4 VI, 478-80.
- 18) DN XV 559. NRR I, 87.
- 19) NRR I, 149.
- 20) NRR V, 159, 263f.
- 21) N. Saml. I, 17.
- 22) s. 19.
- 23) H. Meyer, Berg-Beskr. I, 333-41. Bendixen, Tillæg 154.
- 24) DK1 I, 5-6. 124-6.
- 25) N. Stub, 85.
- 26) L. A. Anjou, Sv. K. hist. fr. 1593, 37ff.
- 27) DN XVII, 440, 590.
- 28) DN XVII, 767.
- 29) DN X, 620. V 1063. X 621, 628, 634.
- 30) DN XV 561.
- 31) Kraft III, 621. Berg-Hist. F.Skr. no. 4 I, 14-17. 19-29, no. 6 I, 1ff.

- 32) DN XV 545.
- 33) Kraft III, 504.
- 34) Kraft III, 505. Lange<sup>2</sup> 370. N. Fornl. 357-8.
- 35) Kraft III, 173.
- 36) NRR I, 104.
- 37) DN VIII 598 (XII 624).
- 38) NRR I, 143, 199, 311, 429, 511, 527, 587. III, 121.
- 39) NRR I, 143. 162f.
- 40) NRR I (II?), 54. Pontopp. Anm. III, 237.
- 41) Kraft I, 151.
- 42) NRR I, 113, 1549.
- 43) Lange<sup>2</sup> 478.
- 44) DBL VIII, 569-70.
- 45) jfr. DN V, 1065, 1088.
- 46) DBL VI, 105-7.
- 47) DN II, 1117. DMag. VI, 16,17.
- 48) s. 1531f.
- 49) DMag. VI, 17-18.
- 50) DN II, 1117.
- 51) NRR I, 173.
- 52) NRR I, 173.
- 53) DMag. 4 III, 48 note 3.
- 54) DN II, 1119 (jfr. NRR I, 50), XI, 641, 663.
- 55) NRR II, 339.
- 56) Erslev, Lensmænd, 78.
- 57) NRR I, 154.
- 58) A. Taranger, St. Jørgens hospital, s. 8.
- 59) DBL IX, 394.
- 60) NRR I, 66, 1543. N.Hist.T. 4 VI, 174-6.
- 61) DN XIII, s. 770.
- 62) Erslev, Lensmænd 84.
- 63) DN XV, 567.
- 64) DN XVIII, 130.
- 65) N.Theol.T. 3 I, 1887, 511.
- 66) ~~DN XV~~, s. 686. NRR I, 81 (Bang 91, 93-4 uriktig framstelt).
- 67) Mariak. jordebok 1542, NRJ. IV, 563-96. Chra.Vid.Selsk.Skr. 1894, no. 20.
- 68) Stav. domkap. prot. 223, 258-9. Bang 266.
- 69) KLN IV, 624.
- 70) Bang 195.
- 71) Gjessing 107.
- 72) Molbech & Petersen, Dipl. 208. KhSaml. 3 III, 378.
- 73) Gjessing 112.



d) Altarar og prebendor.

Godset aat kapitli kom ikkje fullt ut kyrkja til gode, det vart delvis sekularisert, noko under adelen, noko under kongen.

1. Daa sjelemessor fall burt ved reformasjonen, fyreskreiv recessen av 1536,<sup>1</sup> at det gods som var gjeve til slikt fyremaal, - dei sokalla vicarier - kunde falla tilbake til arvingane aat testatores, sosnart innehavarane var døde. Dei evangeliske predikantane protesterte imot dette, i utkastet til kyrkjeordinansen 1537, daa jo - heiter det - "ingen kan sige nei der fore, at det jo er givet til Guds tjeneste."<sup>2</sup> Men adelen sette sitt ynskje igjenom, og straks reformasjonskyrkja var grunnlagt, nytta adelen høvet til aa krevja tilbake det vikariegods som var gjeve av deira forfedrar. I Noreg byrja dei mektige danske hovdingane med dette straks i 1537, og den norske adelen heldt ogso fram sin rett i dette stykke ved prins Frederik (II)'s hylling i Oslo 1548.<sup>3</sup> Men kongens samtykke kravdest for aa faa slikt gods igjen.

Me kjenner ikkje alle tilfelle, daa heimfallsretten til vikariegods vart nytta i Noreg; men dei døme som fyreligg, serleg fraa Oslo og Hamar, er opplysende.

Hr. Trud<sup>5</sup>ulvstand tok att St. Annæ altar i Hamar domkyrkja; det skjede daa han var paa Hamar i 1537 og inntok bispegarden og fengsla biskopen.<sup>4</sup> Og daa han var i Noreg tvo aar etter, i 1539, for aa lata kyrkjeordinansen vedtaka, inndrog han "Hellig løsings alter" i Mariakyrkja i Oslo, ei av dei beste prebendorne.<sup>46)</sup>

Hr. Eske Bille "annammet" til seg "Sancti Haakons prebende" eller "hellig Haakons alter" i Mariakyrkja i Oslo 1539.<sup>5</sup> Likeins store St. Annæ altar i same kyrkja<sup>6</sup> etter mester Morten Krabbes død 1542.<sup>7</sup>

Andre adelsmenn tok til seg andre altarar og prebendor: Holger Rosenkrans tok St. Dorothea prebende i Mariakyrkja i Oslo.<sup>8</sup> Peder Bagge i 1538 ein altar i Oslo domkyrkja som var skipa av biskop Anders Mus<sup>9</sup> - denne altaren kom sidan tilbake til domkyrkja. Axel Urne i 1541 ei vikarie i Trondheims domkyrkja.<sup>10</sup>

2. Etterat kongen fekk kallsretten til domkapitli, vara det ikkje lenge, fyrr han tok til aa misbruka denne makt til aa tildele lækfolk kanonikat og prebendor, - kongelege skrivarar, embetsmenner i administrasjonen, og adelsmenner. Denne sekularisering byrja alt paa 1540talet, - i 1548 var ein Jens Skrivar i Malmø innehavar av eit kanonikat i Hamar og ei prebende i Oslo<sup>11</sup> - og ho lét seg ikkje stansa av protestar av kapitli. Paa denne maaten kom ein aukande del av kapitelsbeneficia etterkvart til aa verta sekularis-

ert. Naar eit slikt beneficium eingong var kome paa lækmannshand, var det som regel tapt for kyrkja.

#### e) Kyrkjebygnader.

Den katolske kyrja i Noreg i slutten av millomalderen var overrik paa kyrkjebygnader etter folketalet. I det noverande Noreg fanst det paa reformasjonstidi umlag 1200 kyrkjer,<sup>12</sup> - landet var vel forsynt med gudshus. Det var ein stor arv reformasjonskyrkja overtok, større enn ho makta aa halda i stand, og større enn ho kunde nytta eller hadde bruk for.

I slutten av millomalderen, daa dei økonomiske tilhøvi ofte var vanskelege og tronge, kunde vedlikehaldet av kyrkjehusi ikkje alltid staa paa høgde. Men større skade gjorde eldsvaade og verdslig valdsferd i dei harde brytningstider innunder reformasjonen.

Det var ein stor arv, men ein arv i forfall, som den evangeliske kyrkja fekk i hende. Men situasjonen vart mangfaldig vanskelegare for kyrkjebygnaderne etter sekularisasjonane og reduksjonane.

Mest kritisk var umskiftet for dei store kyrkjerne, - fyrst og fremst klosterkyrkjerne og dei kongelege kapell. Dei var vigde til undergang, og med faa undantak<sup>13</sup> er det no berre ruinar som minner um deim.

Betre stelt var domkyrkjerne, enndaa dei òg var plundra for sitt gods. Dei hadde framleides sine prestekollegier (kapitli) og daglege gudstenestor etter gamall sedvane, og bispestolane var i sin nye skipnad som fyrr knytt til deim. Dei hadde enndaa sin rang som katedralkyrkjer - moderkyrkjer for bispedømi, men dei fekk no tillike den funksjon aa tena til soknekyrkjer for bispestaden eller for ein av kyrkjelydane i den og vart forsynt med soknepresteskap. Til denne dubbelstilling som domkyrkja og soknekyrkja gjekk domkyrkjerne etterkvart over ved alle bispestolar. I Oslo,<sup>14</sup> Stavanger<sup>15</sup> og Bergen<sup>16</sup> skjede dette visstnok alt i Christian III's tid. I Trondheim gjorde kapitlet framlegg um den same skipnaden i 1559<sup>17</sup>, men han vart ikkje gjennomført fyrr 1578/1585, daa Krosskyrkja vart nedlagd, og domkyrkja gjort til soknekyrkja. Etterhand vart det ogso utlagt prestegardar for sokneprestane ved domkyrkjerne.<sup>18</sup>

Hamar Domkyrkja, som hadde mista sin bispestol, dømte kongen straks til aa brytast ned, 1540, og tenkte aa slaa kapitlet saman med Oslo kapitel.<sup>19</sup> Planen vart oppgjeven, som vel var. Domkyrkja fekk staa og framleides ha sitt sjølvstendige kapitel. Men bispestaden var so aa segja utdøyd ved reformasjonen, og der var difor

dkkje nokor framtid for Hamar domkyrkja som soknekyrkja heller.<sup>20</sup>

Reformasjonskongen, som hadde overteke bispemakti og -godset, kjende seg ikkje forplikta til aa overtaka vedlikehaldet av dei gamle katedralkyrkjerne. Andsvaret for det fall paa superintendentane og kapitli, seinare ogso paa domkyrkjelydarne. Men dei siste var alt anna enn viljuge til aa taka nokon del av byrdi paa seg.<sup>21</sup>

Det tener difor til ros for dei fyrste evangeliske biskopane og domkapitli, at dei hadde umsut for dei forfallande domkyrkjerne og gjorde sitt beste for aa hjelpa deim. For den nye Bergens domkyrkja laga det seg so vel, at superintendenten hr. Geble Pedersson med sine store inntekter formaadde aa setja ho i stand, mest paa eigen kostnad.<sup>22</sup> Mester Absalon Pedersson gjev ei tiltalande skildring av dette byggearbeidet.

Men det var eit reint undantak, at Christian III var viljug til aa lata istandsetjingsarbeid skje paa kostnad av det gamle domkyrkjegods- et (Stavanger 1550).<sup>23</sup> Regelen var, at etter reformasjonen maatte domkyrkjerne hjelpast av dei andre kyrkjerne i bispedømet, - eller paa annan maate: anten med kyrkjetjenden fraa (lands)kyrkjerne i bispedømet i visse aar,<sup>24</sup>

eller med landskyldsinntekterne av vel vedlikehaldne kyrkjer i bispedømet,<sup>25</sup>

eller med byggjetilfang av forfallne eller øyde kyrkjer i bispestaden,<sup>26</sup> eller med den millomalderlege katedralskatten - cathedraticum - som var svara av alle soknekyrkjer og sokneprestar i bispedømet alt sidan 1200-talet,-

eller med kommungodset aat domkapitli, etterhand som det kanoniske samlivet vart oppløyst,-

eller med eindel av eiga aat dei nedlagde gilde.

Av desse innkomorne var det berre cathedraticum som vart ei varig inntekt for domkyrkjerne i Noreg etter reformasjonen, men ikkje for alle. Etter at bispemakti var avskaffa, tok serleg prestane til aa draga seg undan avgifti som ei byrda. Men etterhand lukkast det aa faa cathedraticum fornya,- i Bergen ca. 1540,<sup>27</sup> i Trondheim 1552,<sup>28</sup> i Stavanger 1571,<sup>29</sup> i Oslo og Hamar bispedøme gjekk avgifti i gløymeboki.<sup>30</sup>

Medan Geble Pedersson tok seg av Bergens domkyrkja paa sin maate, som gav eit lysande fyredøme, hadde kongen i 1538 sytt for ei naudturveleg istandsetjing av Oslo domkyrkja.<sup>30</sup> Men aari gjekk, fyrr han fekk syn for dei krav som vedlikehaldet av dei andre domkyrkjerne stelte. Fyrst daa det tok til aa verta reist høge klagor over forfallet,<sup>31</sup> fann kongen det var grunn til aa gjera noko for Stavanger, Hamar og Trond-

~~Hamarskyrkja~~

heim, - ja ogso for Hamar, som var kondemnert i 1540, men som kapitlet priste som "den skjønneste kirke i hele Norge."<sup>32</sup> Ved Trondheims domkyrkja var det paa høge tid; ein kunde ikkje staa turr naar det snøga og regna, tornet var so skrøpelegt, at dei maatte slutta aa ringja, og der var ikkje annan mædel aa kosta paa kyrkja med enn intekter for gravstader paa kyrkjegarden.<sup>33</sup>

Paa desse maatar vart daa domkyrkjorne - fraa 1550 - naudturveleg berga fraa forfall, meir kunde det ikkje vera tale um, burtset fraa Bergen.

Naar Oslo og Hamar domkyrkjor no ligg i ruiner, hev det si orsak mest i den skade dei leid i den fylgjande tid ved brand og utilrekkelegt vedlikehald.

Tryggast stelt var soknekyrkjorne, dei fekk hava sitt jordegods og sine kyrkjekyr, som fyrr fortalt, og vart stelt under ordna og andsvarleg tilsyn.

Men dei talrike mindre kyrkjor og kapell i by og bygd, som ikkje var soknekyrkjor, vart ved reformasjonen for ein stor del overflødige, kanskje for største delen. Den spesifikke katolske religiøsitet, med helgendyrking, heilage lovnader og gjernings-fortenesta, - som fyrr hadde fyllt byar og bygder med desse smaa helgedomar, kunde ikkje finna rom i reformasjonskyrkja, og vart trengt tilbake til den folkelege kultustradisjon. Denne vedvara nok lenge etter reformasjonen, knytt til visse serleg populære samlings- og valfards-kyrkjor, men vart aldri godkjent og rettleidd av kyrkja. Det vart sjeldan halde tenesta i smaakyrkjorne i reformasjonstidi, meir og meir vart dei staaande øyde og tok til aa forfalla. Talet paa smaa øydekyrkjor auka stadig, etter som reformasjonsverket vart gjennomført.

Avgrensingi av brukskyrkjor til dei verkelege soknekyrkjorne skjede tidlegast i byarne, som fyrst fekk sine sokner nyregulert; dér var elles talet paa kyrkjor gaatttilbake i den seinare beten av millomalderen for brand og andre orsaker skuld. Men den same reduksjon skjede ogso etterhand i bygderne, mest aa dei tettgrendte. Tydeleg viser resultatet av denne utvikling seg i slutten av reformasjonshundraaret; daa hev me fullstendig oversyn over tilhøvet millom brukskyrkjor og øydekyrkjor i Oslo-Hamar og Trondheims bispedøme. Me kjem attende til dette sidan.

Naar den evangeliske kyrkja overtok fraa den katolske berre dei gudshus, som var strengt praktisk naudsynlege, og let dei fleste smaa kyrkjor og kapell forfalla, so hadde ho heller ikkje bruk for krossane, - desse dei minste helgedomane, som den gamle kyrkja hadde reist i fri luft langs vegar og ved samlingsstader landet rundt. - Sume stader vart nok krossane fornøya etter reformasjonen, langt ned i tidi.

Men regelen var, at den evangeliske kyrkja med vilje forsømte krossane.

Um krossen paa Ænes i Hardanger segjer Geble Pedersson i 1540, at "ingen tenest bør at holdis for saadan kors," og han let odelsmannen faa tilbake den jordi som var gjevi aat krossen.<sup>34</sup>

#### f) Kyrkjeutstyr.

Det var ikkje aa venta, at kyrkjorne skulde faa hava prydnaden sin urørt ved reformasjonen. Visseleg paala Christian III Eske Bille i reformasjonsinstruksen for Bergens bispedøme 17. juni 1537 aa registrera "sølv, gull, breve ok anden ornamentar ok klenodier" i kyrkjer og kloster i Bergens by og bispedøme, "saa derav intet forrykkes ok forkommes."<sup>35</sup> Men det er ikkje difor sagt, at det var tanken aat kongen aa lata kyrkjorne framleides faa eiga sine ornamenta. Dei norske kyrkjorne kom til aa gaa ut av reformasjonstidi langt fattigare paa prydnad enn fyrr, og det var daa serleg helgenbilati, relikvia, og dei heilage altarkar, som det gjekk ut over.

Kampen mot dei talrike helgenbilati, som prydde kvar kyrkja, um ho var aldri so liti, serleg dei utskorne trefigurarne, høyrer til eit seinare skeid i reformasjonssoga, - den vart fyrst uppteken av den yngre generasjon av superintendentar og vil verta umtalt sidan.

Men noko av det fyrste som skjede i namnet aat reformasjonen, var aa plundra kyrkjorne for dei spesifik katolske kultusfyremaal som var av ælt metall: heilagdomsskrin og andre relikviarier, helgenbilate av gull og sylv, krossar, ciborier, monstransar, pixider for olje og krisma, kannor, paxar, røykelsekar, - og dertil aa redusera det altarstellet som ogso den evangeliske kyrkja hadde bruk for, - ljosestakar, kalkar, brandskaaler, - til det strengt naudsynlege.

Det maa daa merkast, at inndragingi av kyrkjesylvet paa reformasjonstidi skjede baade fyre og etter reformasjonsskipnaden var lovfesta. Noko strauk med under den harde kampen um den politiske makt i brytningstiderne fyre 1537, noko som konsekvens av den nye kyrkjeordning.

Alt under sekularisasjonen av kloster og kongelege kapell paa Frederik I's tid var inndragingi av kyrkjesylv teki til. Enno fyreligg listorne over klenodia aat domnikanklostret i Bergen<sup>35b)</sup> (brent 1528), Mariakyrkja i Oslo<sup>36</sup> (klenodia inndregne 1529), Apostelkyrkja i Bergen<sup>36</sup> (nedrivi 1531).

Til eit døme vil me tak fyre oss klenodia aat Mariakyrkja i Oslo. Lista er uppsett etter branden i 1523.<sup>37</sup> Eit stort høgt kors, alt beslaget med ungers gull ok besett cum lapidis preciosis,<sup>38</sup> som er ikke magen uti eders naades rige Norrige. En fod til det store kors, oppaa 6 mark sølv ok 1½ oppaa en bismar. 2 angeli<sup>39</sup> som stande oppaa en fod ok ere forgylte, tenentes partem

spince corone Domini<sup>40</sup>, ok veve et bismerpund, mere ok ikke minne. Imago sancti Ludovici regis Francie<sup>41</sup>, forgylt, alnehøgt, ok vever 8 eller 10 mark sølv.

Imago sancti Erici regis Svecie<sup>42</sup>, forgylt, oppaa 8 mark sølv. En stor kalk av ungers gull, oppaa 8 mark oppaa en besmer, cum patena de auro.<sup>43</sup>

Et bord, beslaget med sølv, 5 alne langt ok 1 alen bredt, ok besett cum reliqviis.

En forgylt kalk paa 60 lod, cum patena.<sup>44</sup>

En liten kalk, forgylt, som er daglige fram, oppaa 30 lod sølv.

En gamel broden kalk, oppaa 35 lod ok 60 lod sølver.

To røgelsekar, oppaa 70 lod.

Et stort røgelsekar, oppaa 60 lod.

To smaa kors, forgylte, paa 80 lod.

Fire smaa sølvkanner, forgylte, oppaa  $\frac{1}{2}$  pund.

En stor bratse, forgylt, oppaa 40 lod.

En liten bratse, oppaa 6 lod.

En annen bratse, paa 10 lod.

To bratser som ere gjort udi Engeland, paa 40 lod sølv.

To smaa bratser uti korkaaber, med perler besett, paa 10 eller 12 lod.

To store hvide skaaler, med sølv beslagne ok forgylte oppaa, 70 lod.

En brun skaal, beslagen med sølv forgylt, paa 60 lod.

Et annet høgt helligdomskar, forgylt, paa 60 lod.

Et lidet høgt kar, uforgylt, paa 20 lod.

To eller tre anner smaa helligdomskar, ok med sølv beslagne.

En stor delig monstrans, forgylt, som er til høge altere, paa 1 pund.

To andre smaa monstranser, vege hos 16 mark sølv.

Ti eller tolv bager, beslagne med sølv forgylt, ok besett cum gemmis et margaritis.<sup>45</sup>

Alle kirkens kleder, som ere til høge altere, som er korkaaber av gyllenestykke ok flødel, item altere kleder ok messekleder, som ikke ere deres lige uti eders naades rige Norrige."

Desse skattane tok prins Christian (III) med seg til Kjøbenhavn, daa han var i Oslo i 1529, - det fyrste kyrkjerov av den seinare reformasjonskongen. Provsten ved Mariakyrkja fekk bod fraa hertogen, at han viåde ha klenodia. Provsten protesterte, men hertogen sendte sine drabantar "silde om nattetid" til kyrkja og tok klenodia ut av sakristiet.<sup>46</sup>

I 1530-aari gjekk det ofte hardt ut over kyrkjesyivet, naar dei stridande kongarne kravde sylvskatt til krigshjelp. I 1531 samla biskop Mogens av Hamar kyrkjesyiv i sitt bispedøme til aa hjelpa

Christiern II med, og sylvet i Hallvardsskrinet i Oslo domkyrkja vart prøvt av Christierns myntmeistrar,<sup>47</sup> - um det vart teke, er ukjent.

Alt etter som Christian III kjempa seg fram under grevefeiden, utskriv han sylvskatt baade av aalmugen og av kyrkja, - som hiðtil hadde vore skattefrie, - og soknekyrkjorne laut utlevera sitt altarsylv paa ein kalk og ein disk nær. Dette skjede i 1535 i Jylland og Fyn, og skatten vart alt same aaret paalagt ogso Noreg, enno fyre landet var vunne.

Um inndrivingi av denne sylvskatten hev me ikkje synderleg kunnskap. Motstandet aat erkebiskopen hindra skatten for ei tid i den delen av landet der han hadde makt, men i andre landsluter ser det ut til, at sylvskatten vart innkravd straks. I januar 1537 sendte abbeten av Utstein sylv av sitt kloster til lensherren paa Bergenhus Eske Bille,<sup>48</sup> - og i april 1537 paala kongen Eske Bille aa senda honom forgyllt kopar or kloster og kyrkior, - "enten det er tavle billeder (d.e. hamra kopar-relieff), kjerter (d.e. ljosstakar) eller andet kobber som forgyllt er."<sup>49</sup>

Sosnart Christian III var blitt herre over alt Noregs rike, er visseleg inndrivingi av sylvskatten iverksett over alt, ðkkje berre av den skattepliktige aalmugen, men ogso av domkapitli, prestskapet, og satesveinane aat erkebiskopen,<sup>50</sup> - klassor som hiðtil hadde vore skattefrie. - Um kyrkiorne fyreligg der ikkje uttrykkelege fyreskrifter for Noreg, men den same regelen er vel blitt gjennomført her som i Danmark.

Skatten vart inndriven av hovud-lensmennerne:  
av Christoffer Huitfeldt paa Steinvikholm for Nord-Noreg<sup>51</sup> og Island<sup>52</sup>,  
av Tord Rod paa Bergenhus for Vestlandet,<sup>53</sup>  
og av Peder Hansen paa Akershus sunnanfjells.<sup>54</sup>

Det var store verdiar som paa denne maaten strøynde inn i den tome krigskassa aat kongen. I 1540 utgjorde sylvskatten av Bergenhus ein 11.320 lodd kølnsk vekt, og det heiter at han det aaret var større av det lenet enn av noko anna len.<sup>55</sup> - Kor mykje av sylvet som kom fraa kyrkiorne, hev me ikkje kjennskap til. Men det meste og beste av klenodia aat den norske kyrkja, uppsamla gjennom mange hundrad aar, strauk no med.

Nokre spreidde segner og dokument hev overlevt gløymsla, og gjev oss ein glytt inn i denne hardhendte tidsalderen, daa den danske reformasjonskongen ikkje eva seg ved aa gjera slikt som den gamle kyrkja maatte ha dømt som helgædoms-ran.

I Fanakyrkja ved Bergen, som var eit av dei kongelege kapell, var der ein sylvkross.<sup>56</sup> Um den vart det fortalt den segni, at han var funnen paa Krossnes, ved Krossfjorden, og dei tenkte aa føra han til Milde, men krossen vart so tung, at dei ikkje vann aa faa han fram, og i staden kom han til Fana kyrkja. Der vart han halden i stor æra, og vart søkt av lamme og halte og sjuke folk, som viste si takksemnd ved gode gaavor, naar dei var heilbrøgdde. Lensherren paa Bergenhus Tord Rod førte krossen og gaavorne burt, og han tok til og med blyet som koret paa Fanakyrkja var tekkt med.

Det var i desse aari, at domkyrkjorne mista sine klenodier. Etter reformasjonen nemnest aldri meir skrin i aat St. Hallvard i Oslo, Sta. Sunniva i Bergen, St. Svithun i Stavanger.

Fraa Trondheim fortel Peder Claussøn i Norges beskrivelse:<sup>57</sup> "Saa borttog man den tid S. Olufs skrin, med hvis sølv ok guld ok dyrebar stene som paa hans kister være, med den skjønne sten, som erkebiskop Erik Valkendorf kjøbte, ok var sett i den ene ende paa S. Olufs kiste, ok havde givit derfor 20 læster smør. Desligeste det store sølvkors som blev baaret for S. Olufs skrin, hvilket 3 karle maatte bære; saa ok kalke ok diske ok monstranser ok andre kirkens klenodier, en part av gull ok en part av sølv, met anden skat ok rigdom, baade av kapitel ok kommunit; item edelstene av altertavler, med klokker ok andet saadant kirkens gods."

Kva veg helgedomsskrini i Nidaros tok, v̄iser kvitteringi fraa kong Christian III ved rentemeisteren Jochim Bech, dagsett Kjøpenhamns slott 19. august 1540,<sup>58</sup> for "Trondhjems stifts og klosteres sølv ok klenodier som var paa Steinvikholm" og vart avlevert av Christoffer Huitfeldt og Jens Bjelke:

"Først St. Olufs skrin, 6.500 lod forgyldt sølv, item to store forgyldte knapper av sølv, som er inden til harpeitset og derfor bleve ikke veiede, item 170 chrystall-stene, smaa ok store, som staa i forgyldt sølv, som veie tilsammen, baade stenene og sølvet, 747 lod, item ennu 11 stene, uden sølv, som av-fulde den tid St. Olufs skrin blev sønderslaget, iten (en) blaa sten som er guld omkring, og er en jernspiger igjennem, som veier tilsammen 4½ lod, item endnu et lidet stykke guld, som hengte der sammesteds, halvtredje kvintin, paa Ste Olufs skrin. Item av det skrin, som St. Olufs skjorter i laa, 179 lod sølv forgyldt, dertil 4 lod 1 kvintin guld i tynde skiver, som haver været ameleret. Item av St. Augustini skrin (d.e. erkebiskop Eysteins), 816 lod forgyldt sølv. Item av en trætavle og nogle stykker av drikkehorn beslaget, 502½ lod sølv. Item en St. Olufs træbolle uden laag, beslaget udenpaa med sølv,



Item en ljusestage, ameleret, med forgyldt kobber, som var av St. Bernardi skrin (d.e. fraa Tautra kloster?), gamle monstranser, og nogle drikkehorn."

I 1542 kvitterte kongen for "Skaalholt Domkirkes clenodi", 695 lod sylv og ein gullkalk, avlevert av superintendenten Gissur Einars son til hr. Christoffer Huitfeldt.<sup>59</sup>

Eit skip med kyrkjeskattar, som vart ført fraa Noreg til Danmark av Christoffer Huitfeldts broder Claus Huitfeldt, 1543, under krigen med Nederland, fall i henderne aat fienden og vart ført til Eekhuizen. Den engelske sendemannen ved det burgundiske hovet fortel i eit brev til kong Henrik VIII, at i dette skipet vart det funne mykje pengar, mange sundslegne kalkar og paxar og krossar av sylv, og daa Christian III kravde denne "eiga" si attende, gav den katolske regentinna Maria det svar, at ho hadde ikkje trutt, at desse klenodia høyrde kongen til, med mindre han sjølv hadde sagt det, - for det fanst ikkje anna enn slikt som var plundra fraa kyrkior ved rov og helgedomsran, og inkje av det slaget som kongar brukar faa i skatt.<sup>60</sup>

Det var ikkje berre i framande katolske land, at framferdi aat dei danske reformatorane vart ille umtykt. Ein god lutheran som presten Peder Claussøn i Audnedal, som var fødd i 1545 og soleis oppvaksen i den nye kyrkja, og som gleder seg over "den rette ok rene evangeliske lærdom, som Gud haver opljust disse landes indbyggere med", - han uttalar seg<sup>61</sup> med skarpe ord um vandalismen mot kyrkiorne og deira prydnad:

"Men dette er at beklage, ok ingenlunde at love, at man i den reformerede evangeliske lærdoms begyndelse ikke aleniste borttog av kirker ok kloster, hvis guld ok sølv ok andre klenodier, som brugede vare til den pavelige religions brug, med klæder ok andet men ok saa slemmelig ødelagde det som de havde ingen gavn av, ok nedsloge skjøne bygninger, unødtørftelig opbrende nyttige bøger ok breve, ok ødelagde kirkens ornamentar ok prydelser, ok gjorde Guds huse saamegit blotte ok bare, hvilket man vel kunde været foruden, ok de havde derav heller ei nogit gavn."

Med sorg og harme saag folket paa slik framferd mot alt det som var heilag og kjært for det, og kunde ikkje venta anna en ulukkor over dei skip som førte kyrkjeranet ut or landet.

Peder Claussøn veit aa fortelja um dei "hollandske fribyttere" som tok Claus Huitfeldts skip, - som nyst umtala, - men kan kann ogso melde, at eit anna stort skip med kyrkjeskattar fraa Nidaros sokk ved Agdenes og vart burte.<sup>62</sup>

I Bergen vart det enno i 1620-aari fortalt um den jakt, som

skulde fara med kyrkjeskattane fraa Fana, at daa ho var komi til Kvarven, ein kvart mil sunnanfyre byen, "forgik den med top og tavl."<sup>63</sup>

I 1558, melder Peder Claussøn, var det eit av kongens skip som bleiv under Haasteinen, ei mils veg utanfyre Stavanger; det hadde fem av klokkorne fraa Stavanger domkyrkja umbord.<sup>64</sup> - Enno lever segni um dette klokkeovet i den gamle bispestaden, og det heiter at naar fiskarane kjem til klokkeskjeret um jolenatti, høyrer dei sylvklangen fraa domkyrkjeklokkorne paa havsens botn.<sup>65</sup>

#### g) Den kyrkjelege bokskatten.

Dei gamle liturgiske bøkerne, trykte sovelsom handskrivne, var framleides i bruk som hjelpebøker ved gudstenesta ei tid etter reformasjonen, - for tekstene inntil Palladius's Altarbok 1556, visstnok ogso for musikken inntil Gradualet av 1573. Daa dei fekk avløyssning, vart dei nyttelause, og dei handskrivne bøkerne hadde dermed i den tids augo ingen annan verdi enn som pergament. Dei sterke membranane vart funne duglege til bokband, - det var den siste tenesta dei fekk gjera, og serleg kom dei til nytte i den kongelege administrasjon som umslag kring rekneskapar fraa futar og tollarar og slottsherrar.

Det byrja nokeiit øydeleggingsverk, som me maa tenkja paa med sorg. Det tok til so smaatt i 1540-aari, men det er fyrst etter utgjevingi av Gradualet i 1573 at det vert drive systematikk.<sup>66</sup>

Det gjekk ikkje berre ut over dei talrike liturgiske bøkerne, men likesovel dei teologiske, bibelske og kyrkjerettslege handskrifterne strauk med. Og i Noreg raaka den same lagnaden dei norrøne handskrifterne, som var uforstaaelege for dei danske embetsmannerne.

Størstedelen av vaar millomalderlege bokskatt gjekk til grunne paa denne vis. Blad for blad vart rive ut og nytta til permar. Var bladi for store, vart dei naadelaust tilklypte eller bretta; var dei for smaa, vart dei skøytt med eit anna blad eller eit stykke av det. Dei maala titelen med store bokstavar utanpaa tvert over teksti aat den sundrivne codex. Til hefting klypte dei upp bladi i stykke, langsetter og tvertover, i remsor og smaabitlar, utan umsyn korkje til tekst eller prydnad. Dei for fram paa same vis baade i Danmark, Noreg og Sverige.

I nyare tid hev pietetsfulle hender atter samla desse syrgjelege leivningane saman fraa rekneskapane i arkivi.

#### h) Gildi.

Ein eldgamall folkeleg institusjon med kyrkjeleg karakter, som reformasjonen braut staven over, var gildi. Desse samfund til

festlegt samver, gjensidig hjelpsemd, religiøs oppbygging, var i regelen vigde til nokon helgen, og var nær samanknytte med katolsk skikk og tru, og høvde difor ille i den evangeliske kyrkja.

I Danmark vart alle gilde og lag ("laug") over alt landet oppheva ved kjøpstadordinansen 1526, og gildegodset vart ved reformasjonen lagt noko til skularne, noko til ~~hospittali~~<sup>666</sup>.

I Noreg hev me liten kjennskap til lagnaden aat gildi i byane. Var eit gilde knytt til noko kloster, vart det sekularisert saman med det. Soleis St. Annas gilde ved dominikanklostret i Oslo, - gildegodset gav kongen i 1541 i len til ein slottsskrivar paa Akershus.<sup>69</sup>

Langt talrikare var gildet i bygderne, - dei fanst i alle landsluter.<sup>69</sup> Men det fylgde mykje illt med drykken, og det vart ikkje betre i det stykke, etter at bandet millom gildi og kyrkja vart løyst, og dei vart difor ikkje lenge tolt av reformatorane.

I 1542 vart bygdegildi i Bergens bispedøme avtekne av lensherren Christoffer Huitfeldt og superintendenten Geble Pedersson.<sup>70</sup> Disse mennerne saag "den store misbrug ok Guds fortørnelse, her til dags verit haver i de ukristelige gildis drikker som haver verit ein orsage ok udsprubg til megit ukristeligt levnet ok ophav til mange synder, saa at hver mann maa vel nu merke det, at saadanne drikker ikke kunne bestaa med Guds ord," men "samme forfengelige ok ugudelige drikker skulle avleggis og saadan misbrug stillis, at Gud skulde ikke ydermere fortørnis, os til ein almindelig straf, efterdi vi nu saa klarlige have Guds ord, hvilket saadan ugudelighed ikke lide kann."

Gildehusi med inventar og eiga vart difor selt, og det innkomne delt, 1/3 til dei fattige i bygd, 1/3 til spedalskhospitalet i Bergen, 2/9 til domkyrkja i Bergen, og 1/9 til kyrkjorne i bygd.

Den same skipnaden fyreskriv kongen i 1552 i Trondheims bispedøme, av di gildi ogso der "bræges i stor uskikkelighed, Gud almægtigste til vanære og mange af undersaatterne til et ondt exempel."<sup>70</sup>

Dei mest kjende av dei gamle gildi er Olavsgildet paa Onarheim paa Tysnesøy, Mikaelsgildet paa Voss, Nikulasgildet i Øystese, gildet i Kinsarvik, gildet i Uppdal i Sør-Trøndelag, gildet paa Herøy paa Sunnmøre, tre gilde i Jemtland, tvo i Namdalen o.s.v.

I Hallingdal stod gildehuset til nyare tid paa Villand i Hol og paa Devegge i Nes. I Grong i Namdalen og paa Voss hev dei gøynt radt til vaare dagar dei gamle gildebordi, prydde med jarn-naglar.

#### i) Spitalar og sælehus.

I bygderne fanst det fraa gamall tid ei talrik gruppe kyrkjelege

institusjonar, som kann reknast i slekt med hospitali i byarne, - dei kallast ofte med same gamalnorske namn som desse: spital, men ogso sáluhus, sálhús, sálustofa, sálubú, sáluhús. - Men desse hev vel i regelen mindre vore nytta til heimar for fattige og sjuke, dei hev helst tent til herberge eller hospits for vegfarande. Dei var bygt ikkje minst med tanke paa pilegrimane; det var uttrykkeleg nemnt som formaalet med Bjarne Audunssons spital ved Laurentiuskyrkja i Tunsberg. Fleire slike spitalar eller sálehus var bygde av kongane (Eystein Magnusson d. 1123, Erik Magnusson d. 1299, Haakon Magnusson d. 1319), og likesovel av biskopar, domkapitel og kloster.

Soga aat desse spitalar og sálhus er myrk og lite kjend. Etter at pilegrimsferderne tok ende og dei kyrkjelege institusjonane som bar deim, vart sekularisert, høyrer ein ikkje meir gjete deim, korkje i reformasjonstidi eller sidan. Minnet om deim levde lenge i segner rundt i bygderne, og var ofte knytt til munkane. Leivningar av dei store og velbygde hus hev lenge vore aa sjaa paa fleire stader.

Eg nemner:

Leikvang i Eidsberg<sup>72</sup>

Rolstad i Fron<sup>73</sup>

Hjerkinn paa Dovre<sup>74</sup>

Opedal i Ullensvang (høyrde til Lyse kloster)<sup>75</sup>.

Jfr. Sálhus ved Karmsund, Sálhus i Hamre i Nordhordland, Sálhusan i Orkdal, Sálhus i Brønnøy paa Helgeland.

Noter (punkt d) - h).

- 1) DKl I, 5.
- 2) Kbs I, 106.
- 3) DN VIII 598. XII 624.
- 4) DN III 1146. VI 771; NRJ IV, 556, jfr. XII 634.635.639.
- 4)b) DN XII 595, VI 771; NRJ IV, 587, jfr. XII 634.635.639.
- 5) DN X 704.705.709. XIII 652. VI 771. NRJ IV, 587.
- 6) Bang, Oslo domkap.altere s. 6.
- 7) NRJ IV, 587.
- 8) NRJ IV, 587.
- 9) NRR I, 57.
- 10) NRR I, 60.
- 11) DN VI, 771.
- 12) Edv. Bull, 21.
- 13) Utstein, Avaldsnes, Saurbø.
- 14) NRR I, 458.592. II, 19-20.
- 15) N. Saml. I, 16.
- 16) N. Saml. I, 12-16. N.Mag. I, 185.
- 17) Olavsk. i Tr. 78.
- 18) NR I, 233 Oslo, I 631 Bergen, II 563 Trondheim. StDPr. 170f. Stavanger.
- 19) DN XIII 656.
- 20) jfr. Johnsen, Aktst. Stønderm. 14.

- 21) jfr. N. Saml. I. 17. NRR I, 458.492. II, 19-20.
- 22) N. Saml. I, 17-19.
- 23) NRR I, 126. - Vart det noko av?
- 24) NRR I, 56: Oslo domk. 1538. I, 143f.: Hamar domk. 1551.
- 25) NRR I, 152.
- 26) DN XII, 341. N. Saml. I, 19.
- 27) N. Saml. I, 17. NRR II, 83.216. N. Mag. I, 359f. I, 670 (?)  
I Bergen vert cathedraticum no innkassert av kasseraren for  
Bergens katedralskule.
- 28) NRR I, 153; gjekk 1682 over til bispeembetet.
- 29) NRR I, 126. 347.414.689; gjekk 1685 over til Christianssands  
domkyrkja.
- 30) Fornya 1624, etter dansk fyrebilate, som inntekt for biskopen.  
NRR V, 264.
- 30b) NRR I, 56.
- 31) NRR I, 126.134.152.
- 32) NRR I, 134.
- 33) Olavskyrkja, s. 68.
- 34) Schnabel, Hardanger, bilag D.
- 35) s.
- 36b) NF 422.
- 36) DN VIII, 528.
- 36b) NF 428-29.
- 37) 1 mark sylv = 16 lodd. 1 lodd = ca. 16 gram.
- 38) med dyre steinar.
- 39) englar.
- 40) haldande eit stykke av Herrens tornekrona.
- 41) eit bilate av den heilage Ludvik, konge av Frankrike.
- 42) eit bilate av den heilage Erik, konge av Sverige.
- 43) med brødskaal av gull.
- 44) med brødskaal.
- 45) med edelsteinar og perlor.
- 46) DN VIII, 604.
- 47) DN X 640. NF 33.
- 48) DN XV 531.
- 49) DN I 1087.
- 50) Suhms Saml. II 3, 194-5. DN XI 649. DN XIII 633-9. XI 649.  
DN XIII 633-9.
- 51) DN XI 649.
- 52) Krag & Steph. II, 359-60. 369-70. DMag. III, 351-52.
- 53) DMag. VI, 38.
- 54) DMag. VI, 38.
- 55) DMag. VI, 38.
- 56) Suhms Saml. II 3, 39.
- 57) Saml. Skr. 351.
- 58) Schøning, Domk., Ank., 84-5.
- 59) Krag & Steph. II, 369-70.
- 60) N.Hist.T. II, 129.  
Aarsb.Geh.trek. I, 231.
- 61) Saml. Skr. 350.
- 62) P.Cl. 351.
- 63) Suhms Saml. II 3, 39 (1626).
- 64) Skr. 327. NMag. III, 149.
- 65) Norvegia Sacra II, 99.
- 66) Abr. (tbr. ?)
- 67) DKl I, sakregister s.u. gilde. D.Kanc.reg. C.III.
- 68) NRR I, 63.
- 69) NHT. 5 IV, 217-52.
- 70) Krag & Steph. C 9 II, 381.
- 71) NRR I, 151 = DN XII 646.
- 72) Lange 492f.
- 73) ibid. 395f.
- 74) ibid. 396
- 75) ibid. 372-3. Hardanger 1911, 47-52. Schnabel Bil.C.

Kap. XI. EVANGELISERINGI AV DEN NORSKE KYRKJA.

Ved Christian III's kroning i august 1537 sa Bugenhagen i sin tale til dronningi:

"Also hoffen wir auch, dass E. G. sonderlichen fleis werden fürwenden, und darzu rathen, das zum Wort Gottes gute Prediger und Schulen werden wider verschafft in diesen Landen, und je auch in Norwegen<sup>1</sup>, da viel Leut in etlichen Jaren nicht zur Kirchen komen, - des erbarm sich Gott, wir solten je nicht Türcken sein."<sup>2</sup>

Det hev staatt soleis for reformatorane, at Noreg i religiøs umsyn var eit forsømt land, at kristendom og kyrkja her var i forfall. Difor segjer ogso Palladius til det norske presteskapet i 1541: "regio Norvegiana nunc alba est ad messem."<sup>3</sup>

Midlet til aa atterreisa kristendomen er aa lata Guds ord koma til aa verka i folket gjenom gode predikantar og skular.<sup>4</sup>

Me vil no fylgja arbeidet aat dei mennerne som var sett til aa leida og vaka over evangelisasjonsarbeidet i den norske kyrkja.

### 1. Dei fyrste superintendentane.

Det er fyrr umtala, at det fyrste sett av evangeliske superintendentar vart valt millom den norske kyrkja sine eigne søner, - dei var menner som hadde bak seg aarlang tenesta i den katolske kyrkja.

Geble Pedersson i Bergen var av ei nordnorsk smaa-adelsætt; faren var helgelending, og borgar og raadmann i Bergen. Fraa skulemeister ved Bergens katedralskule hadde Geble svenge seg upp til kannik i Bergens domkapitel og sokneprest ved Mariakyrkja, og vidare til erkedekn, formann for kapitlet.<sup>5</sup> Denne stilling hadde han havt i 12-13 aar, daa han 2. sept. 1537 vart ordinert til evangelisk superintendent.

Jon Guttormsson i Stavanger var av god gamall vestlandsadel, son til lagmannen i Bergen Guttorm Nilsson. Av den same ætt var det utgaatt tre norskfødde biskopar paa Øsland, som fylgde etter kvarandre paa bispestolen i Holar paa 14-1500-tali: Gottskalk Hænkason 1440-57, Olav Ragnvaldsson 1460-95, og Gottskalk Nikolasson 1496-1520. Den sistnemnde var farbror til Jon Guttormsson, og far til ein av dei fyrste reformatorisk huga mennerne paa Øsland, umsetjaren av det Nye Testamentet Odd Gottskalksson, som hadde gaatt paa skule i Bergen og difor kallast Odd norske. Jon Guttormsson var katolsk prest; han hadde i fleire aar<sup>6</sup> vore medlem av domkapitlet i Stavanger, daa han sumaren 1541<sup>7</sup> vart utnemnd til evangelisk superintendent i Stavanger.

Hans Rev i Oslo var dansk av fødsel og hadde danske menner aa takka for sin kyrkjelege laupebane i Noreg. Han byrja som sekretær for erkebiskop Erik Valkendorf og steig til kanik i Nidaros. Av den fyrre danske biskopen i Oslo Anders Mus, og med den danske hovdingen Vincens Lunge som millommann, vart Hans Rev utsét til biskop i Oslo, og vigd til dette embetet 1525.

I heile si bispetid var Hans Rev motstandar av reformasjonen - og han restituerte dei sækulariserte kloster, baade etter Christiern II og etter Frederik I. Trass i sin danskvenlege politikk vart han avsett i 1537, og gav offisielt avkall paa sin bispestol i november same aar, daa han forstod at der ingen veg var forbi. Han bøygde seg for den nye kyrkjeskipnaden, og vann kongens tillit, so han i oktober 1541 vart tiltrutt tilsynsmannsembetet ikkje berre over Oslo, men ogso over Hamar bispedøme. Men han bar framleides sin gamle titel "med Guds naade biskop", og for presteskapet stod han framleides som den "verduge herre i Gud herr biskopen".<sup>8</sup>

Thorbjørn Olavsson (Bratt) i Trondheim, som var av ei god nordlandsk adelsætt, hev me lært aa kjenna som ein trufast tilhengjar av erkebiskop Olav og ein varm ven av Noregs sak, og som lærer for kongsemnet aat det katolske partiet i Danmark, den unge kongssonen Hans. Kapitlet i Trondheim valde han i 1538 til sin formann, decanus, men kongen hadde ikkje den tillit til honom som til den milde og medgjerlege Bergens-erkedeknen, at han vilde gjera honom til tilsynsmann i Trondheims bispedøme, heller ikkje daa kapitlet i 1542 hadde valt han til det, - fyrr han heilt kunde lita paa hans evangeliske huglag, og det tidspunktet kom ikkje fyrr 6. jan. 1546, daa mester Thorbjørn vart utnemnd til superintendent i Trondheim.

Dei fire fyrste norske superintendentane hadde ikkje, - sovidt me veit, - kome i nærare personlegt tilhøve til dei reformatoriske tankane fyrr etter at lagnaden aat den gamle kyrkja var avgjord. Um tre av deim veit me, at dei hadde studert ved katolske høgskular i utlandet: Hans Rev i Paris, Geble Pedersson i Minden, Alkmaar og Louvain, Thorbjørn Olavsson i Köln og Kjøbenhavn.

Paa sine studiefjerder hadde dei høve til aa lera humanismen eller reformkatolisismen aa kjenna, - Geble Pederssons fyrste lærarar var representantar for den nederlandske humanisme, ein av dei var ein skulekamerat av Erasmus, - men den evangeliske reformasjons aand hadde ingen av vaare fyrste evangeliske tilsyasmenn møtt gjenom sitt studium, og ingen av dei hadde fyrr slutta seg til reformasjonen. Det skjede fyrst som ein konsekvens av dei store hendingane i 1537.

Geble Pedersson heldt seg i 1537 i lengere tid i Kjøbenhavn fyre sin ordinasjon og hev rimelégvis daa for aalvor lært reformasjonen aa kjenna.

Um Jon Guttormsson er det truleg at han hev studert ei tid ved det evangeliske universitet i Kjøbenhavn, - han var nemleg der i staden, daa han i 1541 vart utnemnd til sitt evangeliske tilsynsembete. Mogeleg var han paaverka av sitt syskenbarn Odd Gottskalksson, som just i 1540 hadde gjeve ut det Nye Testamentet paa norrønt maal, prenta i

Roskilde.

Um Hans Revs liv millom hans avskil som katolsk biskop og hans utnemning til evangelisk superintendent er inåje anna kjent, enn at han i 1538 var i Odense og enndaa paa den tid vart set paa med vakne augo, daa der gjekk ord um ein katolsk opposisjon i hans bispedøme. Truleg hev han den heile tid halde seg i sitt fedraland Danmark, og hev vel der under paaverknad fraa danske evangeliske reformatorar faatt kjennskap til og samhug med dei evangeliske tankane.

Den einaste av dei fyrste nye tilsynsmennerne over evangeliet i Noreg, som hadde lært reformasjonen aa kjenna i sitt utspring, var Thorbjørn Olavsson, som etter kongens ynskje studerte i Wittenberg umlag halvtredje aar og her kom under direkte paaverknad av Luther og Bugenhagen. Hav vart fylgt paa heimvegen med lovord og dei beste voner fraa baae desse mennerne, og var etter alt aa døma blitt ein heilhuga tilhengjar av Luther.

Alle dei fire fyrste norske superintendentene hadde tent den norske kyrkja i aarevis, dei var knytt til henne med sterke band, dei kjende kaari hennar av lang personleg røynsla, - og tri av deim var av god norsk ætt.

I grunnleggjingsstidi var det naturlegvis uraad aa finna dugande folk i Danmark til norske kyrkjeembete, avdi alle brukbare krefter trengtest til den danske kyrkja. Men dette aaleine kann ikkje ha vore avgjerande, daa valet fall paa norske kyrkjemenn til deievangeliske tilsynsmenn i Noreg. Det hadde ogsa ein viss politisk interesse no, daa Noregs rike var nærare knytt til Danmark, at umskiftet i kyrkjestyringi ikkje vart for stort og i-auge-fallande. Valet av norske kyrkjemenner til norske kyrkjeembete var difor ei klok aatgjerd.

Til aa byrja med saag det difor ut til, at reformasjonen i Noreg skulde kunna gjennomførast paa ein maate som tok tilbørleg omsyn til Noregs eigne tilhøve, - at han skulde kunna bli, um ikkje eit nasjonalt verk, so iallefall ikkje til nasjonal skade. Den danske kyrkjeordinansen var berre fyrebils gjort gjeldande i Noreg og inneheldt ein lovnad um, at vaart land skulde faa si eigi kyrkjelege ordning, etter norske vilkaar. Det var daa ei nærliggjande oppgaava for dei kyrkjelege tilsynsmennerne aa leggja grunnen til ein nasjonal-kyrkjeleg skipnad i Noreg.

Men tilhøvi laag ikkje slik, at det fyrste evangeliske episkopatet i Noreg av norsk opphav kom til aa gjera nokon stor og saåla innsats i reformasjonsverket. Tvo av deim fekk berre ei kort verketid: Hans Rev i Oslo 4 aar (1541-45), Thorbjørn Olavsson i Trondheim berre 2 aar (1546-48); mester Geble i Bergen og Jon i Stavanger verka derimot



like til 1557.

Vel var ingen av desse fire mennerne aa rekna for førarpersonlegdomar. Ingen av deim var reformatorar av natur eller aand, men dei var alle dugande folk, og ein kann ikkje segja um nokon, at han var undermaalsmann. Peder Palladius, som ordinerte dei tre som ikkje fyrr hadde bispevigsla, hadde tillit til deira dugleik og god von for deira gjerning,<sup>9</sup> og rekna deim for trugne tenarar i Herrens vingard.

Visstnok vart Jon Guttørmsson i Stavanger klaga for aa vera forsømeleg i sitt kall, og han uppsa godviljug sitt embete etter 16 aars tenesta, i 1557.<sup>10</sup> Han hev difor faatt eit daarlegt ettermæle, alt fraa Peder Claussons tid. Men etter alt det me veit, um biskop Jon, hev han baade havt ope auga for dei oppgaaavor han hadde aa løysa, og han hev fare baade nidkjært og verksamt fram i sitt embete.<sup>11</sup> Grunnane til misnøgjet med biskop Jon torde snarare ha vore andre. Soleis som det var tilfelle med fleire medlemer av det norske presteskapet i den fyrste danske tid hev Jon Guttormsson ikkje kunna setja tilside sitt fedralands interessor og dylja sitt norske huglag, men ein viss nasjonal byrgskap saman med kravsemd for kyrkjelege omsyn skuld hev gjort honom mindre velset paa allrahøgaste stod.<sup>12</sup> Ved sitt ekteskap<sup>13</sup> var han knytt til den krinsen av vestlandske adelsmenn, som baade i Christiern II's og Frederik I's tid la for dagen misnøgje med oldenborgarane og bar paa sympatier med Sverige.<sup>14</sup>

Men ein annan grunn til misnøgjet med Stavangerbispen kann ha vore, at han kanskje ikkje la for dagen den rette reformatoriske ihuge og energi og ikkje la seg i selen for aa utrydja katolisismen i bispedømet, men let tradisjonen i trudom og kyrkjeskikk leva. Det var heller ikkje noko bispedøme, der reformasjonen so seint vart gjennomført som Stavanger bispedøme.

Ein maa vera merksam paa, at dei fyrste norske evangeliske superintendentane var søner av den katolske kyrkja, og der er ikkje vitnemaal um, at nokon av dei hadde gjennomlevt eit skarpt personlegt brøt med det gamle. Ingen av dei stig fram som reformatoriske forkynnarar, dei er ikkje paagaaende og djerpe nybrotsmenner, men stillfarande og lojale administratorar, som set i verk dei ytre fyreskrifterne i kyrkje- lovi, serleg um gudstenesta og skularne. Ein merker inkje eller lite til, at deira embetsgjerning vekkjer religiøs strid. Dei hev fare varsampt med dei katolske tradisjonane.

Hos Geble Pedersson kann ein tydeleg merka denne varsemd. Rundt i bygderne i hans bispedøme var det mykje uvilje imot den nye kyrkjeordning, og folket heldt fast ved sine gamle skikkar og si gamle tru. I Aardal i Sogn heldt dei laurdagen til jomfru Marias æra. I indre Hardanger vilde bønderne ha prestar som heldt messa paa katolsk vis. Det

var ikkje biskopen som skreid inn i desse tilfelle med hard hand, men det var den kongelege lensherren paa Bergenhus slott, og biskopen gjekk i forbøn for bønderne at dei ikkje maatte verta for strengt straffa.<sup>15</sup>

Det var ikkje med folket, men med danske-kongen, at dei fyrste evangeliske superintendentane i Noreg maatte prøva styrke. Det galdt dei økonomiske vilkaari aat kyrkja, serleg for skulane og domkyrkjorne. Biskopane i Trondheim og Stavanger gjorde faafengt ferd til Kjøbenhavn for aa opna augo aat reformasjonskongen for hans andsvar for katedralane ved desse bispestolane; for framhjelpi av latinskularne som skulde utdana det fyrste evangeliske presteskapet, og for andre naudsynlege reformer. Det er tragisk aa sjaa, at kongen vendte det dauve øyra til.<sup>16</sup>

Thorbjørn Olavsson, som kom til Kjøbenhavn i 1547 med sine søknader, uppmana sitt kapitel til aa paaverka kongens kanslar med gaavor eller med lovnad um gull og grøne skogar, og sjølv fyrestelte han kongen, at med mindre det vart ofra noko paa reformasjonsverket i Trondheims bispedøme, var det faare for, at "det stift bliver slet hedensk igjen, hvilket vil blive hans Majestæt svart at forsvare for Gud." Mismodig maatte mester Thorbjørn, Luthers og Bugenhagens personlege læresvein, fara tomhendt heim til fedralandet, med sorg i hugen ved tanken paa, at "den kristelige religion snart vilde blive forglemt i hans fattige stift." Paa heimvegen vart han burtriven av pesten og ligg gravlagt ved preikestolen i Ringsakers kyrkja.

Ti aar seinare, i 1557, inngav Jon Guttormsson i Stavanger sine "nødagtige artikler" paa sitt bispedømes vegner. Han fekk avskil fraa embetet, med pensjon - d.v.s. i naade, - og Kongen nedla hans bispestol og delte Stavanger bispedøme millom Oslo og Bergen.<sup>17</sup>

Den av dei fyrste norske superintendentane, som verkeleg var istand til aa utretta noko, var Geble Pedersson i Bergen. Han var økonomisk ubunden av kongen, for han hadde inntekter som kunde mæla seg med inntekterne aat dei gamle katolske biskopane, nemleg heile Munkliv klostergods og erkedeknedømet med det tilhøyrande Jonsklostergods. Hans kolleger sat paa aarsløn<sup>18</sup> etter det snaude regulativet i ordinansen, medan Geble Pedersson, som var ugift, sjølv kunde bera utgifterne ved istandsetjing av domkyrkja og bispegarden og fornying av latinskulen og framhjelp av studierne.<sup>19</sup>

Dei fyrste evangeliske superintendentane i Noreg hev ikkje set det som si mest nærliggjande oppgaaava aa staa fram som utsendte misjonærer for den nye tru og læra og fyrst av alt aa skaffa den inngang i presteskapet og hos folket gjenom forkynning, undervisning og skrifter. Det fyreligg ikkje noko vitnemaal um, at nokon av dei hev utmerkt seg i desse leider, og det var ikkje fraa den enden dei tok oppgaaava si.

Daa dei vart kalla til si gjerning, var reformasjonsverket eit fullbyrda faktum, som det ikkje var rom for noko ordskifte um. Dei kom til sine embete med ordinansen i lomma. Dei hev ikkje kjent seg drivne til aa skapa ei umvelting i folkehugen, som heroldar for ei ny tid, - det var deira sak aa gjennomføra i lovlege former dei nye kyrkjelege skipnader og skikkar, - og den oppgaava som herunder tvinga seg inn paa deim, vart den aa berga den kristelege arven: aa halda folket fast ved kristendomen og kyrkja og verna um kristeleg moral og sed, - oppgaavor som var vande nok i desse oppløysings- og umskiftings-tider.

Soleis kom vaart fyrste lag av reformatorar til aa sjaa sitt yrke hovudsakleg som ei styrande gjerning. Den reformatoriske opplysning superintendentane gav presteskapet, meddelte dei fyrst og fremst ved aa kunngjera<sup>20</sup> og innskjerpa for deim kyrkjeordinansen av 1539. Den inneheldt ei kort framstilling av skilnaden millom det gamle og det nye kristendomssyn, paapeika hovudsaki ved den nye læra, og nemnde gode bøker til aa verta meir kjend med henne, - men baud elles for største delen paa fyreskrifter um dei ytre ordningar av rituell, pedagogisk, administrativ og økonomisk art. Til største hjelp for ei djupare innføring i den evangeliske læra vart difor Peder Palladius's latinske katekismusforklaaring for norske sokneprestar, 1541. Med den let vaart episkopat og presteskap seg nøgja. Teologiske eller kyrkjelege skrifter saag ikkje ljuset i Noreg i 1540-aari, og ikkje fyrr paa 1550-1560-talet møter me dei fyrste spjror til ein kyrkjeleg litteratur i vaart land, - karakteristisk nok ikkje fraa norske, men fraa danske menner.

Det som dei fire fyrste evangeliske superintendentane fekk utretta eller emna paa, viser likevel, at dei ikkje hev teke si oppgaava lett, men gjekk til verket med aalvor og arbeidshug.

‡

## 2. Danske superintendentar avløyser dei norske.

Var situasjonen vanskeleg i 1537, daa reformasjons-skipnaden so aa segja utan fyrebuing og utan leidarar skulde gjerast gjeldande i Noreg, so var stoda ikkje stort betre, daa den tid kom - og ho kom tildels rett snart, - at dei fyrste superintendentane skulde faa avløyning.

Difor rykkjer danske menner inn paa alle dei norske bispestolane, - folk som alle paa ein nær høyrde heilt ut den danske kyrkja til, - som stod framande for norske kyrkjelege tilhøve, norsk folkeliv og norsk tungemaal. Med deim byrja for aalvor denasjonaliseringsverket i den norske reformasjonen.

Det er merkelegt, at ved dei tre bispeskifte som skjede i 2dre helvti av 1540-aari, var det ingen nordmann som kom paa tale til bispe-emne,<sup>21</sup> - og det av den grunn, at nordmennerne sjølve visste ingen aa nemna av sine eigne som var dugleg til embetet. Likesom i 1539,<sup>22</sup> var

det etter Hans Revs død i 1545 visstnok ingen som trøyta seg til aa taka superintendent-embetet i Oslo-Hamar bispedøme. Difor valde Oslo kapitel ein dansk mann, mester Anders Matsson. Han vart prøvd og funnen skikka av Universitetet og utnemnd av kongen 29/8 1545.<sup>23</sup> Men nokon framstaaande mann ser det ikkje ut til, at mester Anders var. Han hadde vore sokneprest i Kjøpenhamm i ei aarrekkja, fyrst ved St. Petri (1530), sidan ved Heilagandekyrkja (1536), men det er óg alt me veit um honom, og det var berre "med stor Nød" at kongen fekk han til aa taka imot bispeembetet, og han gjorde det for det fyrste berre paa 1 aar, for aa "besee og forsøge det Lands Leilighed." Han hev difor ikkje vore mannen til aa fylla den store og vanskelege stilling. Mester Anders vert likevel verande i Noreg til sin død, i 1548;<sup>24</sup> men hans korte verksemd hev ikkje etterlate seg noko spor.

Ved bispeskiftet i Oslo 1548 høyrer me ikkje tale um noko val av kapitlet, - eit vitnemaal um, at dei var like raadlause som fyrr. Kongen utnemnde difor 12/6 1548, etter eige val, atter ein dansk mann, mester Frants Claussøn Berg, som i 26 (32) aar kom til aa fyrestaa Oslo-Hamar bispedøme.

Trondheims bispestol vart ledig ved same tid som Oslo, 1548, og kapitlet fekk paalegg um aa velja ein lærd mann til superintendent. Men den fyrr so mektige og sjølvmedvitne korporasjonen, som talde 18 (20) medlemer, fann ikkje nokon av sine eigne skikka, og visste ikkje nokon aa nemna i heile Noreg, men bad den danske rikskanslaren hjelpa deim med aa finna ut nokon. Soleis vart dansken Hans Gaas utnemnd av kongen 26/5 1549. Han kom til aa fyrestaa Trondheims stift i 29 aar.

Den mangel paa kyrkjeleg sans og arbeidsvilje, - eller kanskje paa samhug med og kjennskap til reformasjonen, - som det norske presteskapet soleis gong etter gong la for dagen, maatte ogso verka til aa sløva interessen aat kongen for kyrkja i Noreg. Eit vitnemaal um dette gjev bispeskifti i Bergen og Stavanger 1557.

M. Geble Pedersson fekk slag i 1555 og søkte um avskil og fyreslo soknepresten paa Voss Nils Henriksson til sin ettermann. Men kongen ynskte at M. Geble skulde vera biskop si livstid ut, og gav honom lov aa taka seg ein medhjelpar, anten hr. Nils eller nokon annen. - M. Geble døydde vaaren 1557. Utan val av Bergens kapitel utnemnde kongen ein dansk mann til biskop i Bergen, Dr. Jens Skjelderup, som sidan styrde stiftet i 25 aar.

Sumaren 1557 kom Jon Guttormsson til Kjøpenhamm med ei bønnskrift, "Nødagtige artikler" paa Stavanger stifts vegner. Daa hr. Jon merkte, at han ingen framgang vilde faa, og til og med vart rekna for forsømeleg i sitt embete, tok han friviljug avskil, og kongen delte hans stift

millom Bergen og Oslo.

At denne reduksjon av talet paa dei norske bispedømi var eit misgrep, vart snart innset, og delingi vart aldri sett ut i livet, men ny biskop vart utnemnd til Stavanger det fylgjande aaret, 7. mars 1558. Men ogsa denne utnemning skjede utan kapitelssval, og den utnemnde var atter ein dansk mann, Jens Gregerssøn Riber. Visstnok hadde hr. Jens vore knytt til den norske kyrkja i lengere tid, - han hadde vore kapellan ved domkyrkja i Bergen og fraa 1540 evangelisk superintendent paa Færøyane, men dette embetet hadde han nyleg lagt ned for di han ikkje var i stand til aa hevda sin autoritet der ute. Likevel vart han funnen brukkæg til aa styra det vanskelege Stavanger bispedøme, og det enndaa han no sterkt nærma seg dei 80 aar. Han levde lenge og sat i bispeembetet i 13 aar, men enndaa mindre enn paa Færøyane formaadde han aa fylla si stilling i Stavanger. Han mintest sidan i bispedømet<sup>25</sup> som "en simpel<sup>26</sup> og velbedaget mand over hundre aar gammel." Det var umsider naudsynlegt aa tilskikka ein medhjelpar - i 1565 vart til hans "suffraganens og visitator" vald soknepresten i Stavanger Jakob Madssøn, ein dansk mann, som i mange aar med heider hadde tent i skule og kyrkja i Noreg, m.a. som rektor ved katedralskulen i Bergen i M. Gebles tid.<sup>27</sup> - Dessverre døydde hr. Jakob etter ei kort verksemd paa visitas i Valdres (fyre 10/4 1570),<sup>28</sup> og daa Jens Riber atter var aaleine um bispeembetet, gamal og skrøpeleg som han var, kunde det segjast i 1571, daa han fekk avskil, at "stiftet udi nogen aar har været uden superintendent."<sup>29</sup>

Dei danske superintendentane som avløyste det fyrste kuld, hadde alle saman vakse upp i den katolske kyrkja, dei tri yngre var fødde umlag aar 1500, men dei hadde ikkje som sine fyremenner so djupe røter i moderkyrkja og hadde ikkje som dei ein del av sitt liv bak seg i hennar tenesta. Tvertimot, dei tri yngre, som kom til aa setja merke etter seg, var tidleg komne reformasjonen nær inn paa livet, og deira gjerning i den norske kyrkja hev difor sterkare og meir maalmedveten reformatorisk karakter. Difor er det av interesse aa fylgja deira personlege utvikling fram til den tid dei kom til Noreg.

Frants Berg var son til ein namngjeten tysk kunstnar i Danmark, biletskjeraren Claus Berg fraa Lübeck, som var innkalla av kong Hans og busette seg i Odense, der sonen vart fødd umlag aar 1500. Han vart boren til daapen av dronning Christina, som gav honom namnet Franciscus, for det var meiningi hennar, at han skulde gaa inn i franciskaneordenen med tidi. Dronningi heldte han paa skule i Odense med tanke paa dette, og sendte han i 1521 til universitetet i Rostock for aa studera. Men daa dronningi døydde i slutten av same aaret, var Frants Berg alt

blitt paaverka av den reformatoriske læra, som tok til aa ljoda i Rostock nett det aaret han kom dit,<sup>30</sup> og som snart førte universitetet inn i oppløysningstilstand. Daa Frants Berg etter fleire aars utanlandsupphald kom heim med magistergraden, var tanken paa klostret heilt oppgjeven, og i 1531 vart han rektor ved katedralskulen i sin fødeby Odense etter Peder Palladius, som no - heiter det<sup>31</sup> - fekk den fyrste smak paa den evangeliske læra og vart tilskunda av Berg til aa fara til Wittenberg og høyra Luther. Frants Bergs far, som til si store sorg merkte, at sonen var blitt kjettar, fekk biskop Iver Munk i Ribe til aa overtala han til aa taka avskil fraa skulen og gaa i hans tenesta i det biskoppelege kancelli (1532). Men snaudt eit aar etter søkte Frants Berg til Viborg, brennpunktet for den evangeliske rørsla i Danmark, og verka som rektor der til reformasjonsaaret 1536. Daa no klostri skulde umskipast i evangelisk aand, vart Frants Berg sendt til Augustinklostret i Vestervig i Nord-Jutland som lektor i teologi, men gjekk etter nokre aar i prestenesta, fyrst som sokneprest i Ribe (1540) og fraa 1546 som sokneprest ved Nicolai kyrkje i Kjøbenhavn, Hans Tausens gamle kyrkja, og derifraa var det han vart kalla bispestolen i Oslo, 1548. Han kom til det nye embetet sitt i fylgje med prins Frederik paa hans hyllingsferd til Oslo um sumaren same aaret.

Hans Gaas, som hørde til ei fynsk laagadelsætt, vart innskriven som student ved universitetet i Kjøbenhavn i 1520. Det aaret var det, at kong Christiænn II tok til aa nærma seg den sachsiske reformasjonsrørsla.<sup>32</sup> I oktober 1520 innkalla han fraa Sachsen til kongeleg hovkapellan ein bibelsk predikant Martin Reinhard, som ogso ved fastelagstid 1521 preika offentleg i Nicolai kyrkja i Kjøbenhavn,<sup>33</sup> og i fyrsten av 1521 kom ein ny sachsar, humanisten Matthias Gabler, til Kjøbenhavn og verka eit par aar som lærar i gresk ved universitetet.<sup>34</sup> - Den 23. april 1521 vart Hans Gaas innskriven som student i Wittenberg, - det var den tid Luther var ved riksdagen i Worms. Det er trulegt, at det er Reinhardts eller Gablers verksemd i Kjøbenhavn, som hev gjeve Hans Gaas tanken paa aa søkja til Luthers universitet. Men kor lenge han var der, og i kva mun han vart paaverka av reformasjonsrørsla, er ukjent.<sup>35</sup> Under grevefeiden finn me han som sokneprest i Svendborg paa Fyn som ein ihuga tilhengjar av Christian III's parti i krigen mot lybekkarane som forsvara Christiærn II's sak.<sup>36</sup> Dette tyder paa, at han i Danmark hev slutta seg avgjort til reformasjonen. Han spela elles ikkje nokor rolla i den aandelege kampen, men skøyte sitt sokneprestembete i Svendborg til 1548, daa han selde sine fedragods og drog til Kjøbenhavn for aa studera ved universitetet. Her tok han magistergraden og fekk i 1549 kongens kall til aa vera superintendent i Trondheims stift.

Jens Skjelderups ungdom og skulegang er heilt ukjend. I 1543 møter me han i Kjøpenhamn millom dei eldre og yngre lærde som slutta seg ikring den seinare so namngjetne dr. Nils Hemmingssøn, som daa nyst var heimkomen fraa Melanchtons verkstad. Denne krinsen utgjorde ein teologisk klub, dei samlast til maaltid, og deretter gjennomgjekk Hemmingssen Davids salmar og greidde ut tankegangen i deim og viste deira verde for det praktiske livet. I 1544 tok Skjelderup graden som baccalaureus i filosofi og reiste til Wittenberg for aa studera vidare. Han kom heim med magistergraden, fekk straks ei lægre lærarstilling ved universitetet i Kjøpenhamn, til han i 1550 vart utnemnd til professor i fysikk. Samstundes la han seg etter medicin, tok doktorgraden i dette faget i Rostock, og sikta utan tvil paa den medisinske lærestol i Kjøpenhamn etter sin verfar, som døydde 1557, men han vart forbigaatt, og daa Bergens bispestol ved same tid vart ledig, tok han - under stor tvil - imot kongens kall til den.

Um Jens Gregerssøn Riber, sjaa s. 8.

Verksemd i aat det 2dre kuldet av superintendentar byd paa fleire serdrag av interesse. Dei tvo som fyrst rykkjer inn - 9-10 aar etter at kyrkjeordinansen var vedteken, gaar med stor energi i gang med sine oppgaaavor, - ikkje utan ei viss spaning i tilhøve til det eldre norske, sjølvmedvitne høgare presteskapet, og dei staar i gunst hos reformasjonskongen fraa fyrste stund. Frants Berg vitja Kjøpenhamn i 1550,<sup>37</sup> Hans Gaas i 1552,<sup>38</sup> baae med ei rekkja reformframlegg, som for største delen vart tekne til fylgje av kongen. Det er eit uttrykk for kongeleg yndest, at Frants Berg i 1555 fekk si løn som superintendent forbeta med det rike provstiet ved Laurentiuskyrkja i Tunsberg. Og Jens Skjelderup i Bergen vant den heider aa verta innkalla som representant for den norske kyrkja ved Frederik II's kroning i Kjøpenhamn 1559.

Det er hovudsakleg den administrative gjerning og dei ytre ordningane, som framleides staar i fyrste rekkja og steller dei største krav, og det gjeld for denne danske generasjon av superintendentar aa føra vidare det som deira norske fyremenner hev teke upp. I det store og heile fylgjer arbeidet dei same linor, men der skjer ogsa ting som peikar i ei ny leid, og nye oppgaaavor melder seg.

Det tredje lag av evangeliske superintendentar - tre danskar og ein nordmann - overtok kyrkjestyringi i Noreg i 1570-80-aari. Dei hadde sine aandelege røter heilt i den evangeliske kyrkja, og var alle velstuderte menn, fyrst og fremst humanistar.

Den mest markerte lutherske profil hev den kraftige magister Jørgen Eriksson i Stavanger. Han var sønderjyde, fødd i Haderslev 1535, og kom til Noreg i fyrsten av biskop Jens Skjelderups tid som rektor ved katedralskulen i Bergen. Snart fekk han den vyrde stilling som slotts-

prest paa Bergenshus, dertil seinare prebende ved Bergens domkyrkja med Hamre prestegjeld, og vart i 1570 medlem av Bergens domkapitel og biskop Skjelderups verson. I si Bergens-tid laag Jørgen Eriksson 4 aar ved utanlandske universitet, 1566-70, fyrst 2 aar i Kjøbenhavn, deretter 2 aar i Wittenberg for aa "studere i den Hellige Skrift". Kongen gjorde eit godt val, daa han i 1570/71 sette den unge, energiske og vel utrusta mannen til medhjelpar hjaa superintendenten Jens Riber i Stavanger og i 1571 utnemnde han til hans ettermann. I det forsømte Stavanger bispedøme laag store oppgaaavor og venta, og mester Jørgen fekk her ei velsigningsrik verketid paa 33 aar (d. 1604).

Overmaate tiltalande er hans embetsborder paa Oslo-Hamar bispestol, magister Jens Nilssøn. Han var fødd 1538 i Oslo av dansk far og norsk mor, gjekk paa skule i Roskilde, Oslo og Kjøbenhavns universitet og fyrestod i 8 aar katedralskulen i sin fødeby som rektor. I si studietid kom han til aa staa den danske astronomen Tyge Brahe nær. Etter at han i 1570 var blitt medlem av Oslo Domkapitel, let han seg prestvigja, 1571, samstundes med at han tok magistergraden i Kjøbenhavn, og saa i fraa seg rektorembetet, truleg for aa gaa sin gamle verfar biskop Frants Berg til hande. Daa denne tok til aa verta skrøpeleg og ynskte ein medhjelpar, valde Oslo og Hamar kapitel hertil "den elskelige, hæderlige og høilærde mand" mester Jens Nilssøn 1573. Han vart stadfesta av kongen 1574, og daa Frants Berg i 1580 tok avskil, etterfylgde Jens Nilssøn honom som biskop. Hans 26-aarige verketid som tilsynsmann (d. 1600/ kann me nøgje fyggja i hans visitasbøker, som gjev eit levande og vakkert bilate av ein av dei mest typiske humanistar i den norske kyrkja i reformasjonshundraaret.

I Trondheim fekk mester Hans Gaas i 1578 etter eige ynskje ein medhjelpar, som og straks vart hans etterfylgjar, magister Hans Mogenssøn, som vart vald og utnemnd av kongen etter samraad med professorane ved universitetet i Kjøbenhavn. Mester Hans Mogenssøn, som var kjøpenhamnar, fødd 1525, byrja sine studier i Kjøbenhavn og hadde ved mangeaarige studiereisor ved tyske og franske universitet (sidan 1545) ikkje berre lagt seg etter den aalmenne akademiske lærdom, men ogsa vunne ein meir enn vanlegvkunnskap i fransk maal. Sidan 1558 var han i 9 aar professor ved det filosofiske fakultet i Kjøbenhavn, fyrst i pedagogikk, deretter lengste tidi i græsk, men drog seg tilbake til kyrkjetenesta og var sidan 1567 i 12 aar sokneprest i eit landskall i Skaane. I denne tid sysla han med litterære arbeid, mest umsetjingar fraa fransk og tysk; hans hovudarbeid er den gode umsetjing av Philippe de Communes' memoirar um dei franske kongane Ludvig XI og Karl VIII; av andre skrift-er umsette han i 1578 dei schmalkaldiske artiklane. Han var rekna for



ein lærd, forstandig og dugande mann, men var veikhelsa, og plaga av pengesorger. Utnemningi av denne stille lærde til det vanskelege og slitsame Trondhelms bispedøme var - segjer dr. Poul Nørlund - "utvivl-somt et fejlgreb"; "det var synd for manden selv, og det var vel ogsaa til skade for stiftet." Han klaga sidan over "de mange syssel og forhindringer, som mig af mit embede paahænge."<sup>39</sup> Hans 16-aarige verksemd i Nord-Noreg (til 1595) sette difor ikkje djupe merke.

Dr. Jens Skjelderups ettermann paa Bergens bispestol, mester Anders Foss, fødd 1543 i Danmark, utnemnd 1583, hadde likesom sin landsmann og embetsbroder i Trondheim i unge aar vitja mange universitet, i Kjøbenhavn, Tyskland, Holland, Frankrike. Etter heimkoma la han seg serleg etter studium av historia, og hev fenge det ettermæle, at han var "den første danske historiker, hos hvem man kan paavise en udviklet kritisk sans"<sup>40</sup>, m.a. i ei gransking av Saxo Grammaticus. Han hadde i mange aar vore sokneprest i Stege paa Møen, daa kongen i 1583 etter raad av Sjællands biskop valde han til biskop i Bergen. Den nidkjære og myndige mannen gjennomførte i si 24-aarige bispetid sitt reformatoriske program med stor energi.

### 3. Reformasjonen i stiftsstaderne.

Det fyrste som alle vaare superintendentar tek fatt paa, er kyrkjeleg nyskiping og atterreising i stiftsstaderne, og her arbeider dei med stor energi.

Evangelisk gudstenesta vart innført, baade i domkyrkjorne og i soknekyrkjorne. Alt i 1542, faa maanader etter at Hans Rev hadde overteke sitt nye embete, kunde han melde kongen, at "nu er alting ordnet med sang og andet efter ordinantsens lydelse," og han ynskte at latin-skulen fekk ha 12-16 læresveinar, som ved sida av skulegonga kunde halda uppe den daglege korsongen i domkyrkja.<sup>41</sup>

Det kyrkjelege embetsstandet i bispestaderne maatte undergaa ei umskifting ved reformasjonen, som fylgja av forenklingi i den biskopelege administrasjon, av dei nye krav til den prestelege tenesta og av umsynet til skulen.

Paa den eine sida gjer ein sund konservatisme gjeldande. Hans Rev forsvara med varme domkapitelsinstitusjonen og heldt det for viktugt, at kyrkja fekk hava sine prebendor, som vil kunna gjeva det økonomiske grunnlag for kyrkjelege studier, so der kann veksa fram ei slekt av dugande prestar og lærde skulemenn.

Paa den andre sida var umskiping naudsynleg i nokon mun. I Oslo-Hamar bispedøme var det 3 kapitel: domkapitlet i Oslo, domkapitlet paa Hamar, kvart med 12 kanonikat og ymse altarprebendor, og kapitlet ved Mariakyrkja i Oslo, med 6 kanonikat og 6 vikariedøme. Hans Rev fyreslo,

at desse tre kollegier skulde slaaast saman til eit kapitel med mensa communis.<sup>42</sup> Dette vart berre delvis gjennomført. Hamar kapitel vart staaande ved lag som sjølvstendig korporasjon. Men kapitlet ved Mariakyrkja i Oslo vart slaatt saman med domkapitlet i Oslo under eitt kommunbord.<sup>43</sup> Utan tvil skjede dette i 1542, daa det vart opp-teke jordebok over godset og inntektene aat Mariakyrkja.<sup>44</sup> Fraa samansmeltingi med domkapitlet vart undanteke provstiet ved Maria-kyrkja; det fylgde som fyrr Noregs rikens kanslar, so lenge det em-betet var til. - Det var tenesta i Mariakyrkja like til 1542; daa vart kyrkja nedlagd, kom snart i forfall og vart øyde. - Soknekyrkjorne i Oslo (Krosskyrkja og Klemenskyrkja) vart ogso nedlagde ved reforma-sjonen, um det ikkje var skjet fyrr. Domkyrkja vart soknekyrkja for heile Oslo by fraa 1542 og var sidan einaste kyrkja i byen.

I Bergen, største byen i Noreg, arnestaden for reformasjonsrør-sla, var der bruk for eit større soknepresteskap. Av dei tvo millom-alderlege prestekollegier hadde berre domkapitlet overlevt reforma-sjonen. Kapitlet ved Apostelkyrkja var heilt oppløyst. Geble Peders-son heldt trufast sitt kapitel samla og umskipa prebendorne noko. Den norske delen av byen delte han i tvo sokner og gjorde domkyrkja og Krosskyrkja til soknekyrkjor. Jens Viborg, den evangeliske predi-kanten som kom til Bergen med Frederik I's løyve i 1529, vart sokne-prest ved Krosskyrkja. Tyskarane, som alt fyre reformasjonen hadde skaffa seg serrett til visse kyrkjor, slo i reformasjonsrøret til seg tre soknekyrkjor i sin bydel, nemleg Mariakyrkja, Hallwards-kyrkja og Martinskyrkja. Ved Hallwardskyrkja, som dei tyske skomakar-ane raadde for, var munken Antonius, den fyrste lutherske predikant-en i Bergen, sokneprest ei tid.<sup>45</sup> - Likesom sine landsmenn kjøp-mennene og handverkarane var dei tyske prestane sjølvraadige og godkjende ikkje Bergensbispen som sitt overhovud. Fyrst daa Chri-stoffer Valkendorf i 1558, aaret etter Geble Pederssons død, hadde drive dei fem tyske handverkar-amen ut or Bergen, lova tvo av dei tyske prestane Bergensbispen lydriad,<sup>46</sup> den tredje nekta og vart avsett.<sup>47</sup> Sidan den tid var kontoret delt i tvo kyrkjelydar, Martins-kyrkja som var i bruk til branden i 1702, og seinare vart nedbroti,<sup>48</sup> og Mariakyrkja som enno er soknekyrkja, og der det vart halde tysk preika like til 1868.<sup>49</sup>

Inngripande umskiping som i Oslo og Bergen fyregjekk ikkje i presteskapet i dei andre stiftsstaderne under dei norske super-intendentane. Det skjede fyrst under deira danske ettermennner.

I Stavanger vart kapitlet uforandra staaande ved lag. Men fyrst i 1560-aari fekk Domkyrkja eigen sokneprest, visstnok i 1561.<sup>50</sup>

Trondheims kapitel vart i 1539 reorganisert etter det gamle system. Men det var ikkje fyrr i 1546, i M. Torbjørn Olsson Bratts fyrste superintendentaar, at reformasjonen vart gjennomført i Trondheim.<sup>51</sup> Nærmare opplysning um den nye ordning er ikkje kjent. I den fylgjande tid var det tvo soknekyrkjor i Trondheim, Vaar Frue kyrkja og Krosskyrkja.<sup>52</sup> Men daa Krosskyrkja snart forfall, vart ho nedlagt og i staden vart Domkyrkja gjort til soknekyrkja, 1578 og 1584;<sup>53</sup> sidan var Domkyrkja og Frue kyrkja soknekyrkjor i Trondheim.

Domkapitli var reorganisert ved reformationen, - deira gods var urørt, og deira privilegier var stadfesta.<sup>54</sup> Hovuduppgaaavorne deira var:<sup>55</sup>

- 1) aa halda uppe den daglege gudstenesta i katedralarne,
- 2) aa vera planteskular for lærde studier, serleg med tanke paa dei viktugare embete i kyrkja,
- 3) aa vera domstolar i egteskapsaker.

Den store forandring som skjede i den biskopelege administration ved reformationen, gjorde at der ikkje vart nokon synderleg plass for kapitli som raad aat biskoparne - i staden spelar no dei kongelege stiftslenstmennene og provstarne ei større rolle ved sida av biskoparne,<sup>56</sup> ved bispestolsvakansar er ikkje lenger kapitli dei sjølvskrivne stiftsstyri, - og etter Ordinansen var bispevalretten, eit av dei fornemste gamle kapitelsprivilegier - overført til kjøpstadsokneprestarne.<sup>57</sup>

I Noreg som hadde saa faa kjøpstader utanum stiftsstaderne, var likevel nyordningi av bispevalet lite høveleg, og her utøver difor kapitli som tidlegare sin bispevalrett, inntil den ogso blir endeleg stadfesta ved den norske kyrkjeordinansen i 1607.<sup>58</sup>

Reformationslovgjevingi innskjerpte residensplikt for kapitelsmedlemmerne, med undantak for dei som var ute paa studium, eller var i tenesta hos kongen (i kancelli eller rentekammer eller som "vore eigne daglige tjenerne") eller som var kalla til aa tena som superintendentar, predikantar eller prestar, eller i skulen og ved universitetet. Desse kunde halda ein "from mann" eller ein skulediscipel i sin stad til aa utføra dei daglege kortenesteplikterne i katedralarne.<sup>59</sup>

I 1550-60-70-aari vart fleire kanonikat og prebendor ved dei norske domkapitli gjevne av kongen til slike personar, som vat fritekne for residensplikt.

Det er undantak, at dei vert tillagt personar i kyrkje eller skule i Danmark, - som naar mester Nils Sommer, predikant og sokneprest til Helliggeisthus i Kjøbenhavn i 1562 faar eit kanikedøme i Oslo etter soknepresten hr. Knut Jensson i Tune,<sup>60</sup> eller naar professor theologiæ ved Kjøbenhavns universitet dr. Erasmus Lætus (Rasmus Glad) i 1574 faar eit kanikedøme i Oslo med det tilhøyrande Gjerpen soknekall og provsti.<sup>61</sup>

Derimot blir det regel, at visse kanonikat og prebender blir utdelt til verdslege personar som løn eller lønsforbetring - til kongelige kancelliskrivarar og sekretarar, slottsskrivarar, renteskrivarar, tollarar, proviantskrivarar, stiftsskrivarar, borgmeistrar, lagmänner og hofmänner.<sup>62</sup>

Sekularisering av denne art gaar sterkast fyre seg i Oslo - etter at dei siste katolske innehavarane av kanonikati er avgaatt ved døden, blir deira kanonikat i fleire fall overgjevne til verdslege personar. Over liknande framferd vert det i 1570 klaga fraa Stavanger: "nogen... Præbender ere lagte under Skrivere, Hofmænd og Andre, som ingen ret Tjeneste derforre gjøre."<sup>63</sup> I Hamar fyrekjem fleire tilfelle av same slag. Mindre synest det ha vore av det i Bergen, og minst i Trondheim. Heilt til 1566 var alle kanonikat og præbender i Trondheim paa geistlege hender. Daa vart ogso her eit kanonikat sekularisert, nemleg tillagt skrivaren paa Trondheims gard.<sup>64</sup>

Kvart kapitel hadde i millomalderen eit eller fleire prælatur; dei overlevde berre delvis reformationen som sjølvstenduge embete.

Dekanatet - som berre fanst i Trondheims kapitel, - vart her tillagt superintendent-embetet, avdi den fyrste superintendenten var decanus, og dette prælatur fylgde sidan bispestolen.

Erkedeknedøme eller erkeprestedomme, som alle kapitel hadde fyre ref., blir burte eit for eit. I Stavanger og Hamar blir dei aldri umtalt etter ref. I Bergen, der den siste katolske erkedeknen, Geble Pedersson, vart superintendent, fylgde erkedeknedømet bispeembetet i hans tid, men ved hans død i 1557 vart baade bispestolsgodset og erkedeknedømegodset (St. Hans klostres gods) inndrege og dermed var dette prælatur sekularisert.

I Oslo stod erkedeknedømet - eller - som det her eigenleg heitte: erkeprestedommet - ved lag utigjenom 1540-aari,<sup>65</sup> men blir ikkje sidan uppehalde som eigen titulatur. - Derimot bar her seinare eit av kapitelsmedlemerne titelen decanus capituli (Claus Berg vald til d.c. 1590).<sup>66</sup>

Lengst stod erkedeknedømet ved lag i Trondheim, nemleg til 1613, daa det vart sekularisert.<sup>67</sup>

Ikkje synderleg betre heldt cantordømet seg. Det fanst i slutten av millomalderen ved alle domkyrkjor. Men i Stavanger og Bergen høyrer ein aldri meir tale um cantorar etter ref. Den siste cantor i Hamar var Truls Olsson, som levde enndaa i 1556 og daa var ein mann paa umlag 100 aar.

I Nidaros stod kantordømet ved lag som eige embete til 1577, daa det vart foreint med lektoratet. Lengst heldt kantoriet i Oslo seg - det var eige embete ikkje berre heile ref.aarh., men ogso eit godt stykke nedgjenom 1600-aari.<sup>68</sup>

Sin eigenlege raison d'être hadde kapitli i det rike millomalderlege gudstenestelivet. Annarleis vart det, etter at reformationen hadde avskaffa dei store kyrkjefestarne og sjølemessorne (aartiderne) ved dei talrike altarane, og Bugenhagens ordinatio ceremoniarum hadde forenkla tidetenesta sterkt. Theologiske fyrelesningar og predikantverksemd kunde berre delvis fylle ut romet.

I Oslo hadde Hans Rev i 1542 reformert gudstenesta etter ordinansen, og at kantorembetet her stod ved lag so lenge; tyder paa at katedraltenesta er haldi vedlike med stor truskap.

I Trondheim fann mester Hans Gaas "stor bryst paa korgang" i domkyrkja, og sette kraft inn paa aa faa kortenesta reorganisert etter ordinansen i 1554. Det lukkast honom ogso aa faa kanikarne til aa vareta sine plikter, og um nokon hadde forfall, aa tilskikka ein annan "som holder hans horistri i kirken", ja, den som var forsømeleg, skulde til og med vera "avskild fraa kapitlet, fraa præbende og gjeld."<sup>69</sup>

Men den strenge residensplikt for alle kanikar var ugjenomførleg i Noreg. Reformationslovgjevingi braut her med gamall norsk tradition.<sup>70</sup> Det er tvilsamt, um der nokon tid i millomalderen har vore residensplikt for alle medlemmer av kapitli i Noreg, i allefall etter at til kanikedømi var annektert landsprestekall. Alle kanikedøme hadde rigtignok embetsbustader ved domkyrkja, - kanikegardar - men det var visstnok i alle fall mot slutten av millomalderen blitt det vanlege, at kanikerne skiftast med aa residera i bispestaden; i Nidaros var det "gammel skik, at redje parten av alle kaniker skulle hvert tredje aar vere til stedis og residere hos domkirken",<sup>71</sup> - denne skikken var fornøya i 1539,<sup>72</sup> daa talet paa kapitelsmedlemer her var 18, var der soleis 6 kanikar som residerte kvart aar.

Um skipnaden i dei andre bispestaderne fyre ref. har vi ikkje opplysningar, men daa kapitli her valde 12 medlemmer, kann ein tenkja seg at anten 4 residerte kvart tredje eller 6 kvart 2dre aar. No vart det gjort freistnader paa aa gjennomføra residensplikt for alle medlemmer av kapitli.

Etter samansmeltingi av Oslo domkapitel og kapitlet ved Mariakyrkja i Oslo under Hans Rev fyreslo domkapitlet sjølv i 1545 for kongen, at "alle præbender og alterrenter der maa blive skiftet mellem tolv kanniker og deres tolv vikarier, som altid skulle bo og residere hos domkirken."<sup>73</sup> Kongen samtykte i dette<sup>74</sup> og fyreskreiv, "at der skulle 12 av kanikere holde daglig tjenest og ceremonier udi domkirken." Men dette var ikkje mogelegt aa gjennomføra. I 1551 heiter det, at "nu ere de samme udflyttet paa bygden, der besidde de beste sogner og komme ingen tid hid til kirken." Kanikegardane ved domkyrkja vert ikkje lengere vedlikehaldne alle 12, "nu er der ikke uden 5 eller 6, ok de andre bo ok bygge ander steds i byen, ok akter det sidenefter (til) deres

arving ok efterkommere, saa at samme Kanikegaarde slet forfalder ok ødeleggis."<sup>75</sup> Kongen innskjerpte difor i 1551 4/7 strengt plikti for dei 12 kanikarne til aa residera ved domkyrkja og halda sine kanikegardar "ved god hevd og bygning under fortabelse af kannikedømmet."<sup>76</sup>

Dette paalegg har utan tvil verka til aa skapa ein betre kollegial aand i Oslo domkapitel, det er ikkje noko av kapitli i Noreg som i den fylgjande tid so ofte og so sterkt faar lagt paa seg sine plikter, og der korporationsandsvaret som fylgja av det held seg so levande, som i Oslo. Kongen innskjerpte atter paabodet um aa halda kanikeresidensarne istand, 1565, og daa Oslo brann under sjuaaarskrigen i 1567 og alle kanikegardane ogso strauk med,<sup>77</sup> stadfeste kongen i 1568 privilegia aat kapitlet, fornya deira gamle rett til bygsel av kapitelsgodset<sup>78</sup> - ein rett som lensherren hadde vilja ta fraa deim - , og gav kapitlet skattefridom i 12 aar paa det vilkaar at det bygde uppatt domkyrkja og skulen og kanikegardane.<sup>79</sup> Paa same tid gav kongen borgarane i Oslo paalegg um aa hjelpa til med aa setja domkyrkja i stand,<sup>80</sup> daa ho var deira soknekyrkja, - han la Hamar kapitels kommunrente til Oslo domkyrkjebygging i nokre aar,<sup>81</sup> - og han stadfeste tienden av Tune som domkyrkja hadde havt i 200 aar,<sup>82</sup> - kort, kongen viste i desse vanskelege tider stor umsut for dei kyrkjelege institutionarne i det krigsherja Oslo, at alt atter maatte koma paa fote.

Denne umsut strekkjer seg ogso til det gamle bispesetet paa Hamar, som var blitt herja av svenskarne paa same maaten - i 1569 er det til og med paa tale, aa rekonstruera Hamar kapitel og lata det "igjen komme udi sin Skik og Ordning som før har været."<sup>83</sup> Det skjede visstnok ikkje, men Hamar domkyrkja vart istandsett og Hamar skule atter sett igang.<sup>84</sup>

I Oslo kapitel er derimot den kyrkjelege aand tydeleg i sterk vokster i 1570-aari. Orsaki til det er utan tvil at fleire og fleire kanikedøme i dei seinare aar av kongen vart burtgjevne til personar som var fritekne for residensplikt som kongelege tenestemenn - folk som drog inntekterne av kanikedømi og prebendorne utan aa bry seg um sine kyrkjelege plikter, som ogso deira utnemningsbrev innskjerpte. Dette framkallte stigande uvilje hos dei kyrkjelege medlemmerne av kapitlet, som verkeleg oppfyllte sine embetsplikter fullt ut, atter og atter vart det kravt,<sup>85</sup> at dei fraaverande skulde halda ein "koral" i sin stad i kyrkjetenesta, og tilsetja kyrkjelege - ikkje borgarlege - umbodsmenn for seg til aa varetaka sine interessor og plikter ved kapitlet.

Der blir i 1570-aari stadig klaga over,<sup>86</sup> at der "neppeligen" er so mange residerande kanikar i Oslo, at dei kann opphalda tenesta i domkyrkja og sitja i kapitel og høyra egteskapssaker, og gjera tenesta og tynge som kanikar burde, "hvorover kapitlet med Tiden bliver øde og Residentserne forfalde."

Naar kongen difor innskjerpte skyldnaden til aa halda kanikegardane

i stand<sup>87</sup> og til aa residera i bispestaden,<sup>88</sup> for aa bøta paa dette mishøve, kunde kapitlet med full rett gjera oppmerksom paa, at skaden laag deri, at "mange baade neder udi Danmark og andensteds skulle være forlente med kannikedømme og ikke residere,"<sup>89</sup> - og kunde krevja, at kongen "ingen præbender ville forlene til nogen med mindre de skulle være forpligt at boe hos Domkirken."<sup>90</sup>

I 1580 oppnaadde kapitlet verkeleg Frederik II's stadfesting paa Christian III's skipnad, at der skulde vera 12 residerande kanikar i Oslo, og der vart paalagt dei fraaverande kanikar i kongens tenesta aa halda koralar og byggja sine kanikegardar og etter tenestetid ved høve busetja seg ved domkyrkja.<sup>91</sup>

I Trondheim gjorde Hans Gaas i 1554 ein kraftig freistnad paa aa gjennomføra det kgl. paabodet i Ribeartiklarne um at alle kanikarne - her 18! - skulde residera. Men det var faafengt for han aa faa kapitlet til aa avvika fraa sin gamle sedvane med 3-aarleg umgangsresidens, - og det var med full rett dei heldt fast ved den, for "uden kirkens ok almugens stor fordervelse kan ikke alle kaniker aarlig residere."<sup>92</sup> Enno lang tid etter ref. stod alle 18 kanikegardane i Trondheim.<sup>93</sup>

I Bergen og Stvanger kom kanikeresidensarne i forfall temmeleg snart etter ref. I Bergen var heile det kyrkjelege centrum ved festningi rasert i 1531 og bispesættet var flutt tvo gonger - difor var det ikkje aa undrast at kanikarne hadde bygt seg private hus i byen og late residensarne "ligge øde og ubygte."<sup>94</sup> Difor vart Graabrødreklostret i 1565 utlagt baade til superintendentgard og til kanikeresidensar.

I Stavanger var kanikegardane komne heilt i forfall,<sup>95</sup> slik at til og med tufterne var fraakomne og byfuten upptok leiga av dei.<sup>96</sup>

Der blir i Stavanger klaga over, "at det der skal gange meget uskikkeligen til med Kirkens Rente, saa at en Part den har og oppebærer, som aldeles ingen Tjeneste gjør i Kirken"<sup>97</sup> - hermed blir sikta dels til verdslege personar som har præbender, dels til kanikar som har landskall og residerar ved dei. -

Under desse tilhøve var det ikkje aa undrast, at mensa communis - det kanoniske fellesliv - gjekk til grunne. Det var i ordinansen uttrykkeleg tillagte kanikarne aa treda inn i egteskap. Etterkvart som det skjede, vart det felles bordhald opphæva, og fellesinntektene vart fordelt millom kanikarne. Fyrst skjede det visstnok i Oslo, og i 1558 fyreslo Hans Gaas den same ordning gjennomført i Nidaros.<sup>98</sup> I 1550-aari har utan tvil felleslivet ogso i Stavanger, Bergen og Hamar teke ende.

I alle bispestader blir kommungarden - felleshuset aat kapitlet - staaande tom og ubrukt og forfell innan lang tid. I Stavanger var kommungarden "ødelagt" fyre 1570.<sup>99</sup> - I Oslo eksisterar berre tufti i i 1579,<sup>100</sup> rimelegvis var garden brent i 1567 i krågen.

I Nidaros segjer Hans Gaas i 1558 at "hvad ufyrm som sker i samme Communehus, kan jeg ikke skrive"<sup>101</sup> - eit teikn til at her er det gamle regelbundne kanoniske liv i fullstendig oppløysning. I Bergen vart kommunet etter 1553 og fyre 1571 av kapitlet overlate til prestane ved domkyrkja.<sup>102</sup>

Med oppløysningi av felleslivet og forfallet av kanikerresidensarne og kammungarden gaar ogso den millomalderlege skifteresidering fullstendig ut av bruk. - Lengst vedvarer den i Trondheim (1558).<sup>103</sup> I staden skiljer der seg ut ein kjerne av fast residerande kapitelspresteskap - nemleg sokneprestar og predikantar ved kyrkjorne i stiftsstad- en, lektor og rector, kantor og nokre faa residerande kanikar, dertil superintendenten.

Der viste seg i den fyrste tid etter reformationen ein tendens hos kapitli til aa reducera talet paa sine medlemmer og prebendarier for aa auka inntekterne aat kvar kanik. Det hendte oftare, at ledige kanikedømer, vikarier og præbender vart fordelt millom dei sitjande kanikarne, og kom soleis ikkje andre til gode.<sup>104</sup> Dette søkte kongen aa hindra.

Daa mensa communis vart opphæva, vart det eit spursmaal, um kommunogodset skulde tilfalla berre dei residerande kanikarne eller heile kapitlet. I Bergen og Stavanger gjekk det i denne retning; - der vart det i 1562 klaga over at superintendenten Jens Skjelderup og 4 kanikar tok og delte alt millom seg, baade kommunrenta og vikarierne.<sup>105</sup> I Stavanger fann sume at soknepresten i Stavanger den tidlegare superintendenten Jon Guttormsson, samla for mykje av kapitlets kammungods og præbender paa si hand, og i slutten av 1560-aari skjær der fraa andre medlemmer av kapitlet ein freistnad paa aa hindra baade denne centralisation og sekulariseringi av prebender ved forlening til verdslege personar. Leidaren av denne opposition var ein landsprest, hr. Rasmus Tordsson, sokneprest i Torvastad paa Karmøy; det lukkast han paa ei reisa til Kjøbenhavn aa faa kongen paa si sida, men alt neste aar hadde Jon Guttormsson faatt gjort avgjersla umatt,<sup>106</sup> 1570, og naar kongen her innskjerper residensplikti for kanikarne, daa er det retta mot dei kapitelsmedlemmer som var "Prester paa Landet boendes" og som ikkje residerere og boe hos Domkirken og gjøre slik Tynge og Tjeneste inden Kirken og uden, som andre Kanniker efter Kapitels Statuter og vore Breves Lydelse pligtig ere og bør at gjøre."<sup>107</sup>

Den danske reformationslovgjeving har soleis verka til aa bryta av det gamle band millom land og by som den norske kapitelsskipnaden med sin skifteresidens utgjorde og til aa isolera bypresteskabet meir fraa landspresteskabet enn turvande var.

Dei norske kapitli arbeider for aa halda uppe sine gamle ordningar, og serleg søker dei aa hindra, at bandet millom kanikedøme og kanike-



gjeld skal losna. Hamar kapitel fekk 1575 stadfesting paa sin gamle kallsrett til kanikegjeld,<sup>108</sup> og Trondheims kapitel oppnaadde i 1578 kongebrev paa at dei sokner som var komne fraa kapitli"skulle igjen dertil komme."<sup>109</sup>

Noter Kap. XI, 1 - 3.

- 1) Bugenhagens kjelde var vel Geble Pedersson, som serleg kjente tilhøvi i Bergen.
- 2) Münter, Aktstykker.
- 3) Bang 68.
- 4) jfr. Noregs-artikelen i DK0. 1537/39.
- 5) DN XVII, 230.
- 6) DN XVI, 590, 1537.
- 7) P.Pall. D.Skr. I, 317. NRR I, 60.
- 8) DN XVII s. 249.
- 9) Brevis expositio s. 68, um hr. Geble og Jon, 1541. D.Skr. I, 335, um Anders Madsen, hr. Thorbjørn, hr. Geble og Jon, 1546.
- 10) N.Mag. I, 245. P. Claussøn, s. 226.323.425.
- 11) Tidlegt eksempel paa reformatorisk tankegang i Stavanger bispedømme: brugdebenk fraa Aamli i (Valle i) Sætesdal 1543, med scenar fraa Johannes' openberring, pavedømet symbolisert i løva med 3 kronor paa hovudet. K. Visted, Bondekultur, 2.utg., s. 139.
- 12) Bang 208.
- 13) J.G. var gift med dotter til Eirik Ormsson til Vatne som var gift med dotter til Christoffer Trondsson Rustung. Eiriks far Orm, ein frende av biskop Hoskold, var avretta 1521, kanskje for si stoda under skatteurolegheitene.
- 14) norsk Hist.T. II, 141.
- 15) Bang 34.
- 16) Bang 154-6. 206-7.
- 17) Bang 209.
- 18) NB. ikkje Stavangerbiskopen! Han hadde Avaldsnes kgl. kapell-gods.
- 19) N.Saml. I, 10-21.
- 20) Theol.T. 3 I, 511.
- 21) Sjaa s. (1650-1, dvs. s.           )
- 22) DN I 1091.
- 23) NR I, 82. P.Pall. D.Skr. I, 335.
- 24) Dødstid ukjent. Ikkje nemnt i dokument seinare enn 1546. Jfr. JN 577, som tyder paa at A.M. maa vera død i Noreg.
- 25) Stav. D.Pr. 225.
- 26) = ærleg, einfaldug - godsleg?
- 27) N.Saml. I, 16. N.Mag. I, 245. 281.
- 28) N.Saml. I, 16. NRR. I, 653.
- 29) NRR I, 687.
- 30) Müller KG. II.1, 269.305.

- 31) Bloch, Fyenske Geistl. 338.
- 32) Andersen, Overfor kirkebruddet, s. 82f.
- 33) s. 94f.
- 34) s. 102f. - Melanchton uttalar Gabler som verande i Kjøbenhavn 30/3 1521 i eit brev til Spalatin.
- 35) At han skulde ha havt noko med franciskanklostret i Svendborg, som det vert fortalt, veit Lindbæk, De danske fr.kl. s. 155f., ikkje noko um.
- 36) Pontopp. Anm. III, 195.
- 37) NRr I, 124.133.
- 38) Thott 1272 fol., bl. 219-20.222. NRr I, 150-3. DN XII nr. 641-7.
- 39) III, p. XVI.
- 40) H. F. Rørdam, Historieskrivningen i Danmark og Norge I, 95.
- 41) N.Theol.T. 3 I, 511.512.
- 42) DN XV, s. 686.
- 43) NRr I, 81. Dette maa vera gjort alt i Hans Revs tid (NB. jordebok for Mariakyrkja 1542) og ikkje fyrst under ettermannen, Bang 91.93f.
- 44) NRf. IV, 563-96.
- 45) Bang G 179-80.
- 46) Bang G 181.182-3.
- 47) Bang G 180.
- 48) H. Meyer I, 272ff.
- 49) H. Meyer, Tillæg, 87.
- 50) Bang G 235.
- 51) Notis i Gerh. Schönings samll.
- 52) Bang G 283.284.
- 53) NR II, 288f.561f.(jfr. 560).
- 54) Jfr. NRr I, 310.594. II, 558f.
- 55) DKl I, 36-8.122-3.198.
- 56) I, 123.
- 57) I, 116-7.
- 58) bl. 85<sup>r</sup>.
- 59) DKl I, 37f. nr.509.206.
- 60) NR I, 206-7.328.390.395.
- 61) NR II, 81.225.
- 62) Jfr. NR I, 454.649.
- 63) NR I, 649. I, 347. N.Mag. I, 245f.
- 64) NR I, 521. II, 71-2.
- 65) Bang 8.
- 66) D.Mag. I, 28.
- 67) KLN. IV.
- 68) Claus Berg - 1614. NR V, 535. Hans Andersson - 1626. NR VI, 538.

Dr.Med. Peder Alfsson fikk kantoriet 1626, vart lagmand i Trondheim 1631, d. 1663.

- 69) DN XII, 654.
- 70) DK1 I, 206. DN XII, 654.
- 71) DN XII, 654.
- 72) ib. 594.
- 73) NR I, 81.
- 74) DN XIII, 700 § 9.
- 75) DN XIII, 700 § 7.
- 76) NR I, 133.134.
- 77) NR I, 594.
- 78) NR I, 593.
- 79) NR I, 593.
- 80) NR I, 592.
- 81) ib. 592.
- 82) ib. 593f.
- 83) NR I, 639f.
- 84) NR II, 19.20-22. 166-7.
- 85) NR I, 458. II, 22.161.321-2.386-7. 719. 1587.
- 86) NR II, 161.321-2.386.
- 87) NR I, 458f. N.Stub. 70.
- 88) NR II, 321-2.
- 89) NR II, 386.
- 90) NR II, 161.
- 91) NR II, 386-7.
- 92) DN XII, 654.
- 93) L. Daae, Thj.geistl.Hist.
- 94) NR I, 484.
- 95) SDP (?) 467. 1578.
- 96) NR I, 649.
- 97) NR I, 347. 1562 (jfr. N.Mag. I, 245f. 257.).
- 98) DN XII, s. 815. N.Mag. I, 143.
- 99) NR I, 650.686. II, 341.
- 100) NR II, 365.
- 101) DN XII, 815.
- 102) N.Mag. I, 427, jfr. 402-3.
- 103) DN XII, s. 815.
- 104) NR I, 150.347.649.
- 105) NR I, 347.
- 106) NR I, 649-51.664-5.
- 107) NR II, 664-5.
- 108) NR II, 167.
- 109) DN XII, s. 815. NR II, 293.

Kanikedøme i Oslo + Gjerpen.

Hr. Engelbret, immatr. i Köln 1522, d. c. 1563.	Bang 97.
Frans Villumssøn, Tolder p. Kjøbenhavns slott. et sp	1557 -
Dr. Erasmus Lætus, Prof.theol.	1574 -
Absalon Juel til Meilgaard, kgl. sekretær.	1582 -
M. Anders Vedel, rektor ved Fredriksborg skole.	1583 -
Hans Simenssøn, renteskriver.	1584 -
Christoffer Ivarssøn, renteskriver.	1618 - IV, 731.

Kanikedøme i Oslo.

Anders Kantor i Oslo, 1512-57.	
Erik Magnussøn Handingsmand, studerar.	1557 -
Magnus Thorbenssøn, studerar??	1565 -
Olaf Kuldt, var proviantskriver.	1567 -
Hans Meckelborg, renteskriver.	1573 -
Christen Skammelssøn, kgl. vinskjenk.	1623 - NR V, 344.
Hr. Knut Jenssøn i Tune (1535-62)	B 25.
Mester Nils Sommer, prædikent og sokneprest til Hel- liggeistes kirke i Kjøbenhavn	1562 -
Nils Pederssøn, rentemesters skriver, borgermester i Kjøbenhavn.	1564 :: d. 1583. NR II, 533.
Hans Søfrenssøn, slotspredikant paa Akershus.	1583 -
Peder Matssøn Mossing, slotspredikant p. Akershus.	1599- III, 585.
Hr. Jacob Jenssøn (kanik v. Mariak.)	Bang 6.
Nils Stub, borgermester i Oslo.	1567 -
Hans Stigssøn, renteskriver.	1570 -
Nils Stub.	1571 -
Hans Stigssøn, tolder nordenfjells.	1573 -
Anders Green, kgl. sekretær, NR. kansler	1579 - d. 1614.
Jens Bjelke.	1614 - NR I, 550.
Laurits Haraldssøn, skolemester.	1554 - Bang 158. Hofspræb.
Laurids Hummer, vor mann og tjener.	1565 -
Christiern Nielssøn kancelliskriver.	1567 -
Michel von Kemnitz renteskriver.	1570 -

St. Catharinæ Præbende i Oslo.

Kanslaren Peder Huitfeldt.	
Nils Stub, raadmand i Oslo	1559 -

Oslo domkyrkja.

<u>Kanikedøme m. præbende</u>	- efter Mr. Ansteen? til Jens <u>Thomessøn</u> , Cancelliskriver, 1552. I, 156.
z	
Hofs præbende	Laurits Haraldssøn, skolemester eller læsemester. I, 173. 1554.
Heggs præbende	led. efter Thorger - tillagt kapellanen i Oslo 1554. I, 178.
Kanikedøme	exsp. Hr. <u>Nils Sommer</u> 1557. I, 216-7.
Kanikedøme + Gjerpens sk.	etter Hr. Engelbret, exp. <u>Frans Villumsen</u> , Tolder paa Kbh. slott. 1557. I, 207.
Kanikedøme	etter Hr. Erik Skraap - til skolemesteren, altid 1557. I, 218.225.
Kanikegard	etter Hr. Erik Skraap - til spr. i Oslo. 1557. I, 223.
Kanikedøme	etter Anders Kantor i Oslo - til Erik Magnussøn Handingmand. 1557. studerar I, 224.203.
Jomfru Mariæ Tidens altars gods	etter Mads Finde )
St. Martini Altars gods	etter Hans Mule ) til Hr. Jakob Jenssøn. 1559. I, 268.
St. Catharinæ Præbende	etter kansleren <u>Peder Huitfeldt</u> til <u>Nils Stub</u> , raadm. i Oslo. 1559. I, 269.
Kannikedøme	exsp. Frants Bergs son. 1559. I, 275.
Vikarie i Mariak.	Jens Nilssøn - efter hr. Einar. 1561. I, 312.
Kanikedøme	Hans Pederssøn, av C III., stadf. 1561. I, 319.
Kanikedøme	etter Hr. Knut i Tune. - Mester <u>Nils Sommer</u> , prædikant og sogneprest til Helliggeisthus i Kbh. 1562. I, 328,390.
Vicarie v. Hl. Kors altar i Mariak.	) til <u>Mads Skriver</u> , Slottsskr. 1563. I, 371.
Sakristiet, vikarie	
Kannikedøme	etter hr. Hans Kjeldssøn til hr. Nils Mikkelssøn. 1564. I, 395.
Kannikedøme	etter M. <u>Nils Sommer</u> til <u>Nils Pederssøn</u> , Rentemesters skriver. 1564. I, 395.
Kanikedøme	exsp. Slottsskrivaren p. Akershus. 1564. I, 409.
Kanikedøme m. Vik. St. Antonii altar	etter Mads Christiernssøn - til <u>Paul Paulssøn</u> , Slottsskr. p. Akershus. 1564. I, 422-3.
St. Martini alters gods Jomfru Marie Tidens alt.	) etter hr. Jacob Jenssøn til hr. All, feltdspræd. under Jørgen Marsvins fane. 1564. I, 143.
Kanikedøme	etter <u>Erik Mogenssøn</u> til <u>Mogens Thorbensøn</u> . 1565. I, 455.
Kanikedøme	etter Hr. Nils Knudssøn til Hr. Nils Olssøn. 1565.
Kanikedøme	exsp. for Mester Jon, Læsemester i Oslo i 16 aar.

1565. I, 459.
- Kanikedøme            exsp.    efter Laurits Haraldsson  
til Laurids Hummer. 1565. I, 454.462. vor Mand  
og Tjener.
- Kanikedøme            efter Hr. Jacob Jenssøn  
til Nils Stub, Borgermester i Oslo. 1567, I, 552.
- Kanikedøme            efter Laurids Hummer  
til Christiern Nielsson, kancelliskriver.  
1567. I, 553.
- Kanikedøme            efter Mogens Thorbenssøn,  
til Olaf Kuldt, vor Proviantskriver. 1567. I, 554.
- Vikarie                efter Hr. Jon Packe  
til Paul Paulsson, slotsskr. p. Akershus.  
1567. I, 566.
- Kanikedøme            efter Hr. Nils Mikkelsson.  
til Hr. Jens Nilsson. 1569. I, 636f. 644.
- Kanikedøme            exsp.    efter Nils Stub (hr. Jakob Jenssøn)  
til Hans Stigsson, renteskriver. 1570. I, 656.
- Kanikedøme            efter Hr. Hans Olsson  
til Jens Nilsson, skolem. i O. 1570. I, 671.
- Kanikedøme            efter Christen Nilsson  
til Michel von Kemnitz, Renteskriver. 1570. I, 671.
- Kanikedøme            fratras Hans Stigsson, tilbake til Nils Stub.  
1571. I, 685.
- Kanikedøme            fratras Nils Stub (efter Jacob Christenssøn),  
tilbake til Hans Stigsson, tolder nordenfjelds.  
1573. II, 57.
- Kanikedøme            efter Olaf Kuldt  
til Hans Mechelborg, renteskriver. 1573. II, 59.
- S. Matini altaris præb. Mester Hallvardus Gunarius, stadf. 1573. II, 67.
- Kanikedøme            eft. Jørgen Nilsson  
til Unge Nils Pederssøn, renteskriver. 1573.  
II, 79.
- Kanikedøme + Gerpen prgd. efter Frants Tolder,  
til dr. Rasmus Lætus. 1574. II, 81.
- Kanikedøme            eft. Mester Jon Løsemester  
Halvard Gunarius løsemester. 1575. II, 159.
- Præbender skal kun forlenes til residerende kaniker. 1575. II, 161.
- Kanikedøme            exsp.    Mr. Jon Løsemester i O. 1577. II, 213.
- Kanikedøme            efter Hr. Nils Olsson  
exsp.    Dr. Rasmus Lætus. 1577. II, 225.
- Kanikedøme            efter Hr. Clemen Pederssøn cantor  
til Hr. Claus Berg. 1577. II, 247. 1578. II, 285.
- Kanikedøme            exsp.    Christen Clemenstson. 1577. II, 251.
- Præbende: Stilckens gods til Hr. Hans Severinssen slottspræd. p. Akershus. 1578. II, 255.
- Gerpen kirke            Werner Henriksson. 1578. II, 285f. 1579. II, 319.
- Kanikedøme            efter Hans Stissøn  
til Anders Green. 1579. II, 317.
- Kanikedøme            som hr. Clemmind har -  
enten til Hr. Claus Berg spr. i Skien  
eller til Christen Clemmindson. 1580. II, 368.

- Kanikedøme                   etter Nils Stub (Paul Paulsson, siden  $\frac{1}{2}$  Nils Skriver)  
til Sivard Pedersson, Kancelliskriver. 1580. II, 373.
- Præbende                    etter Nils Stub  
til Christen Clemmindson. 1580. II, 373.
- Kanikedøme                exsp. Hr. Hans Søfrensson slottspred. p. Akershus.  
1580. II, 390.
- Hamar domkyrkja.
- Rente                      etter Mr. Ansteen  
til Jens Thomassøn, Cancelliskriver. 1552. I, 156.
- Kanikedøme                Hans Pedersson, av C.III, stadf. 1561. I, 319.
- Kanikedøme                etter Erik Mogenssøn (studerar)  
til Thure Hummer. 1565. I, 455.
- Hellig Kors Alter,  
vikarie                    Hr. Thorsten Søffrensøn spr. i Ringebu.  
1571. I, 683.
- Nicolai Alter, vik.  
                              exsp. etter hr. Baard p. Stange  
for M. Thure Hummer kanik. i Hamar domk. 1572.  
II, 18.
- St. Nicolai og  
St. Michaelis altere      etter hr. Baard Rolfsson  
hans søn Mogens Baardsson (sidan lagmann). 1572.  
II, 31.
- Kanikedøme                etter M. Amund Ellichson  
- til Hr. Claus Frantsson. 1574. II, 87.
- Nicolai Alter              etter Mogens Baardsson  
til Mogens Svale. 1575. II, 155.
- Kanikedøme                exsp. Mester Niels Saell. 1575. II, 164.
- Om kanikegjeld            1575. II, 167.
- Præbende                   etter Jens Thomisson  
til Hr. Chilian Thøgerssøn. 1575. II, 167.
- Kanikedøme                exsp. Hr. Hans Søfrensson, slottspred. p. Akershus.  
1577. II, 221.
- Kanikedøme                etter M. Thorben Olsson  
til M. Niels Saell. 1577. II, 236.
- Kanikedøme                avtrædes av Hr. Claus Berg. 1577. II, 247.  
til Morten Knudsson (studerar). 1577. II, 254.
- Kanikedøme                etter Hr. Hans Søfrensson, slottspred. p. Akers-  
hus (etter Hr. Frants udi Gausted)  
til Jens Nilsson, superint. 1580. II, 389-90.
- Almues præbend            Hr. Christen Christenssøn, stadf. 1580. II, 391.
- Stavanger Domkapitel.
- Kanikedøme + Mandals prgd. Efter Hr. Bertel  
Hr. Jakob Præstø, slottsskrivar og kapellan p.  
Bergenhus. 1552. NR I, 153.
- Kanikedøme + Stokke præ- etter Hr. Thorkild Wandsson  
bende                      til Simen Stoell. 1553. I, 164. .
- Kanikedøme + præbende    etter Hr. Evind (Kold)  
til Rasmus Thordsson paa Avaldsnes. 1554. I, 171.  
stadf. 1569. I, 628.
- Kolnes præb.              Jon Guttormsson, sup. 1557. I, 217  
etter Jakob Madsen.

Hindens kanikedøme		etter hr. Laurits p. Torvestad til hr. Gjert Michelsson. 1557. I, 218.
Kapitelsgodset		1562. I, 347.
Hetlands præbende		<u>Christopher Nilsson Grøn</u> , lagm. i S. I, 606. 1568.
Kommunrenta		1569. I, 628. 1570. I, 664-5. 1571. I, 686f., 688f. 1574. II, 132f.
Flere præb. og sogn		1570. I, 649 (?).
Kaniked. kaldt Stokke præb.		etter Jakob Madsson til Christopher Sivardsson. 1570. I, 652. - tilbake til prædikestolen i St. D. 1570. I, 662f.663-4.664-5.
Harnidtz præb. Wagle " " " " " "		hr. Christopher Sigurdsson spr. Avaldsnes, provst Peder Jenssen " Høland Peder Jacobsson " Haaland Anders Jonsson " Lye 1574. II, 112-3.
Aspedals " "		hr. Jørgen Svendsson, prædikan i Stavgr. Dk. 1574. II, 115.
Præbende	exsp.	Hr. Peder Claussøn sp. i Undal. 1574. II, 116.
Kanikedøme, "Kirkens præb."		etter Hr. Rasmus Thordsson sp. Torvestad til Hr. Peder Claussøn. 1575. II, 161-2.
Kanikedøme	exsp.	<u>Hans Wincke</u> , stiftsskr. i Stavgr. 1577. II, 219.
Kanikedøme	exsp.	Hr. Hans Søffrenssøn, slotspred. p. Akershus. 1577. II, 220f.
Egenes kanikedøme		etter <u>Christopher Nilsson</u> , lagm. i Nordlandene. til Hr. Hans Pederssøn, skolemester i S.
Kjæland kanikedøme		etter Jon Simonsson til den vordende hører i St. begge 1577. II, 224-5.
To præbender		etter Hr. Jon Guttormsson til <u>Hans Wincke</u> . 1577. II, 239.
Ekenes eller Hetlands præb.		lagm. <u>Christopher Nilsson Grøn</u> skal beholde pred. 1578. II, 267.
Præbende	exsp.	Hr. Peder Pederssøn spr. i Vigedal. 1579. II, 340.
Præbende: Løffre		etter Hr. Peder Jacobsson til Hr. Jon Ellingsøn spr. i Bø. 1579. II, 340-1.
Præbende: Steenberg		etter Hr. Anders Jenssøn til Hr. Palle Christenssøn, spr. i Hansken (?). 1579. II, 341.
Eikanes præb.		etter Hr. Hans Pederssøn til hr. Jørgen Svenssøn spr. domk. i St. 1579. II, 342.
Præbende	exsp.	Hr. Rasmus Otteson spr. Torvestad. 1579. II, 343.
<u>Bergens domkyrkja.</u>		
* Bonis communibus		- til en læsemesters underholdning. 1556. I, 196. 1573. II, 77-8.
Kanikedøme (3?)		- Trond Benkestoks søn. 1557. I, 215.
2 præbender, som Geble Pederssøn hadde(d. 1557)		- I, 229.



Kapitelsgodset	1562. I, 347.
Vikarie til Vor Frue Alter	til Jacob Christiernssøn, skolemester efter hr. Hans Henrikssøn. 1562. I, 364.
Vikarie, St. Magni Præbende	efter hr. Jørgen Henrikssøn til Laurits Anderssøn, Skriver p. Bergenhus. 1563. I, 374.
Vikarie til Vor Frue Alter	efter Hr. Hans Christiernssøn - til Hr. Jørgen Erikssøn. 1563. I, 378.
Vor Frue præb. + Hammer sogn	Hr. Jørgen Erikssøn stadf. 1564. I, 428f. kannik i Bergen 1570. I, 662, stadf. 1573. II, 57.
Præbende	exsp. efter Hr. Nils p. Voss for Hans Bagge. 1566. I, 508.
Kanikedøme	exsp. efter Hr. Nils p. Voss for Hr. Peder Simonssøn. I, 555.
Kanikedøme, kaldet St. Jacobi præb.	efter hr. Jacob Røg til hr. Mikkel Jonsson, sp. til B. domk. 1569. I, 633.
Kanikedøme	exsp. hr. Jens Sefrenssøn Sjølandsfar spr. p. Voss. 1571. I, 683.
Kanikedøme	exsp. hr. Jens Christenssøn, spr. i Bergens domk. 1572. II, 39. 1573, II, 77.
Magni præb.	efter <u>Laurits Skriver</u> til Skolemesteren i B. 1573. II, 76-7.
Corporis Christi og Catharinæ pr.	M. Abs. Pederssøn, læsemester, stadf. 1573. II, 77.78, jfr. 2.
Kanikedøme + S. Annæ præb.	eft. M. Abs. Pederssøn til Hr. Jacob Christenssøn. 1575. II, 155.
Corporis Christi præb. Stæ Catharinæ Blasii	} læsemesterens besolding. 1575. II, 159.315.
Kanikedøme	exsp. <u>Hans Wincke</u> , stiftsskriver i Stavgr. 1577. II, 219.
Kanikedøme	exsp. Mester David Jørgenssøn. 1579. II, 351.
Fjellskaal i Hammer prgd. til Trinitatis alter	efter Hr. Peder Simonssøn til Hr. Peder Vemundssøn spr. i Sanden sogn i Brunla len. 1579. II, 355.
Jacobi Præbenda	efter Hr. Michel a.prest til David Jørgenssøn. 1579. II, 356.
Præbenda Jacobi	efter Hr. Michel Jonsson spr. ib. til Hr. Christen Lauritssøn Warder spr. i Bergen. 1580. II, 391.

### Trondheims domkyrkja.

Altar, skipa av Inger Erlandsdtr. - Arild kanes	- til Erik Rosenkrans som arving. 1560. I, 293.
Tromsø prgd. + præb. regum	trium efter M. Henrik Nilsson til Haagen Lauritssøn. 1566. I, 512.
Kanikedøme	<u>skriveren paa Trondheims gard</u> . 1566. I, 521. 1573. II, 71-2.
Kommungodset	til <u>Herluf Skave</u> . 1566. I, 523.
St. Bartholomæi præb.	efter M. Kjeld til <u>Olaf Hanssøn</u> . 1567. I, 574.

- Kanikedøme efter Hr. Sivord Eskildsson.  
til Hr. Nils Jørgensson. 1568. I, 603.
- præb. quatuor doctorum efter hr. Laurids p. Størdal  
til hr. Nils Jørgensson spr. til Alstahaug p.  
Helgeland. 1570. I, 654.
- S. Thomæ præb. og  
kannikedøme Hr. Hans Sivordsson istf.  
Hr. Mads Christensson. 1571. I, 705.
- Bartholomæi Præb. efter Hans Skriverens søn paa Quiste  
- ... til skriveren p. vor gaard i Thm. 1573.  
II, 72.
- Mikkelskorn til lagmannen. II, 154.241.
- St. Margareta kirke Hr. Nils Jørgensson spr. i Alstahaug har den 1574.  
i Alstahaug ) II, 97-8.  
Præb. i T. domk. + St. ) er spr. i Malmø, faar stadf. 1576. II, 188f.  
Margareta k.
- Alstahaug prgd. efter hr. Nils Jørgensson  
- til hr. Staffen Olafsson. 1576. II, 189.
- Kanikedøme exsp. hr. Staffen Olsson. 1577. II, 211.
- Kantordømmet efter Hr. Sigvard Amundsson  
til Hr. Jens Andersson, læsemester i T. 1577.  
II, 211.
- Tromsø prgd. efter en kannik i Thm.  
exp. for hr. Peder Riess, denne kanniks kapellan  
i Tr. 1577. II, 220.
- Kanikedøme exsp. Hr. Lauritz N. spr. i Opdal. 1577. II, 221.
- Præbende efter Zacharias Anfindson Sopiuss  
til Staffen Olsson, prest paa Alstahaug. 1578.  
II, 260.
- St. Olavs præb. eft. Mikkel Sivordsson  
til Hr. Christopher Sivordsson. 1578. II, 290.  
overføres til Hr. Hans Mogensson. 1578. II, 292f.
- Kanikegjeld 1578. II, 293.
- Kanikedøme exsp. eft. Hr. Haagen Lauritsson  
til Mester Hans Sivordsson. 1578. II, 293.
- Præbenda Trinitatis Hr. Christen Mikkelsøn, spr. V. Frue k. i T.  
1579. II, 304.
- Kanikedøme perpetueres skolemesteren. 1579. II, 332-3.
- Præbende exsp. Samuel Lauritsson. 1580. II, 373.
- Exspektance paa prestegjeld
- Sandehered Peder Vemundsson. 1567. I, 537.
- Hjelmeland Niæld Nielsson. 1577. II, 225.
- Tanum Hr. Jens's søn. 1577. II, 245.
- Stjørdal Samuel Lauritsson. 1578. II, 271. efter sin far.
- Skjeberg Hr. Nils Lauritsson, præd. p. Baahus Hof efter  
Hr. Mats. 1579. II, 345.

#### 4. Landsprestane

Det led i den kyrkjelege organisation som med minst forandring og umskiiping gjekk over i den nye kyrkja, var prestekalli.<sup>1</sup> Kyrkjeordinansen rørte ikkje ved den kyrkjelege inndeling og det lægre kyrkjelege embetsverk ei heller ved prestebordsgodset og prestegardane. Det vart saki aat lenherrane og superintendentarne aa gjera den regulering, som her var naudsynleg og nyttig, og det vart ikkje gjort mykje av det. Umregulering av soknekalli vart mest berre fyreteki i dei større byarne<sup>2</sup>. Paa landet vart i det heile alt ved det gamle. Prestegjeld og kyrkjesokner vart inntil vidare som regel<sup>3</sup> staaande ubrigda. Dei større landspretekall, som var kanikgjeld, vart verande i den same tilknytning til kapitli som fyrr, men daa det etter ref. var mindre som batt medlemmerne av kapitli til bispestolen, kom med tidi dei fleste kanikar til aa slaa seg ned i sine kall for godt og overlata katedraltenesta og kapitelsforretningane til nokre faa residerande kanikar i stiftstaden. Den største forandring skjede med dei prestekall som var knytt til noko kloster, soleis som fallet var med Aker ved Oslo - det hadde sidan 1100tallet høyrte under Nonneklostret i Oslo, men vart no lagt saman med slottsprestembetet paa Akershus, ein skipnad som vedvara til 1823.

Dei katolske prestane vart sitjande i sine embete. I ei lang rekkje tilfelle kann det dokumenterast, at sokneprestane sat i embete baade fyre og etter reformasjonen. Prestesoga i Noreg er tildels mykje ufullkomi kjend, avdi kjeldorne er mangelfulle, men vi kann nemne med aarstal og namn etter samtidige aktstykke over 50 slike tilfelle daa same prest gjorde tenesta baade i den gamle og den nye kyrkja, og det er likesovel store som smaa soknekall. Dei fleste av desse fall er kjende fraa Oslo og Hamar og nokre fraa Trondheims bispedøme. Ei rekkje av desse prestane hadde studera utanlands ved katolske universitet.

##### Oslo bispedøme.

Olav Siggeson i Askim 1501-49	Bang Geist.	15 f.
Gjest Sigurdsson i Torsnes (Borge) 1529-69	"	23
Knut Jensson i Tune 1535-62	"	25
Peder Øyarsson i Holla og Lier 1535-73	"	63
Villads Frost i Sande 1531-47	"	99.64
Tjostolv Nilsson p. Eiker 1522-49	"	65 f.
Jens Andersson i Hov p. Vestf. 1522-42	"	74
Augustinus Pedersson i Ramnes 1536-57	"	77

Laurits Mattsson, provst i Tunsber 1531-55	Bang Geist.	80 f.
hadde studert i Köln 1521		
Per Tøgersson i Sandherrad 1531-47	"	84
Nils Eivindsson i Tjølling 1531-48	"	87
Torleiv Seljeson i Hedrum 1538-75	"	89
Villum Mattisson i Drangedal 1540-47	"	90
Engelbert provst i Gjerpen † c. 1563	"	97
hadde studert i Köln 1522		
Lavrans Hermansson i Bø 1535-47	"	99
Hamar bispedøme.		
Baard Rolvsson p. Stange † 1574	"	146
p. Vang		
Anstein Jonsson Skruk p. Ringaker	"	139
stud. i Rostock 1513		
i Aamot.		
Torbjørn Olsson (Skaktavl) p. Toten 1538-77	"	121
mag. Amund Ellingsson p. Gran † 1573	"	117
Kristiern Hvidt p. Norderhov 1542	"	113
Niklis Jansson i Flesberg 1535-43	"	71
Nils Jørenssoen i Hjartdal 1536-47	"	109
Laurits Jensson i Laardal 1511-47	"	104
Mikkel Lauritsson i Kviteseid 1540-56	"	101
Bergens bispedøme.		
Fire prestar som hadde vore sokneprestar ved Mariakyrkja i		
Bergen under dei tvo siste katolske biskoparne hadde i 1558		
prestekall i Bergens bpd.	Bang Ref.	345
Hans Henriksson p. Hamar 1527-58	Bang Geist.	199
Jørgen Henriksson p. Manger 1527-61	"	201
Simon (Winther?) i Sogndal 1558	"	211
(?stud. i Rostock 1518)		
Mats Tierp, (res)kap v. Domkyrkja 1552-8	"	169
Jon Røg i Leikanger 1522, † 1569	"	212
Stavanger bispedøme.		
Rasmus Olsson i Undal 1540-53	"	249
Mikkel Skytt p. Avaldsnes og Lister 1531-61	"	250
Laurits p. Torvestad 1522-57	"	267

Zakarias Povelsson i Aal (Hall) 1524-45	Bang Geist	273
Nils Olsson i Vang i Valdres 1537 -	"	257
Trondheims bispedøme.		
Sigurd Eskillsson i Herøy 1540-68	"	292
Nils Sigurdsson i Borgund 1540-58	"	297
Per Jonsson i Kvernes 1533-40	"	302
Jens Olsson (Bratt) 1534-48	"	303-4
stud. i Köln 1529		
Per Haakrasson i Tingvoll 1533-40	"	305
Gudmund (Steinsson) i Stangvik 1535-(68)	"	306
Olav Karlsson i Hitra 1533-40	"	307
Per Persson p. Ørlandet 1531-54	"	308
stud. i Rostock 1511		
Torfinn Olavsson i Stjørdal 1531-48	"	317
Sigurd Persson i Skogn 1535-70	"	320
Sigurd Amundsson i Verdalen 1540-73	"	322-3
Henrik Nilsson p. Inderøy 1523-67	"	324-5
stud. i Rostock 1518		
Olav Andersson Solle i Brønøy 1538-58	"	331
Olav Reidarsson Ravn 1531-47	"	332-3
stud. i Rostock 1504		
M. Elling Pedersson i i Rødøy 1531-76 †80	"	334-5
stud. i Rostock 1523		
Hans Simonsson i Salten 1531-50	"	336
Aslak Andersson i Lofoten 1531-46	"	340
stud. i Rostock 1519, Köln 1527		
Oluf Villemssøn i Vesteraalen 1535-47	"	343
Asmund Ingemarsson i Andenes 1531-47	"	344

Det er merkeligt at det katolske presteskapet soleis utan vidare godkjener den nye tilstand. At so skjede, er eit vitnemaal fyrst og fremst um kor magtlaus den norske kyrkja kjende seg. Presteskapet er som ein slegen her, som ikkje har anna aa gjera enn aa taka imot fredtilbodi og fredsvilkaari aat sigerherren (Bang)<sup>4</sup>. Sume er kann hende blitt staaande av ideelle grunner, for at ikkje kyrkja skulde bli prestelaus, some for levebrødet skuld. Men dei kann vel ikkje alle ha gjort overgangen med lett hjarta og godt samvit. Der finst døme paa, at ein katolsk prest heldt fast paa

si overtyding og tok konsekvenserne av det. Det var mester Peder Skerff, som m. Absalon Pedersson fortel um. Han var fødd i Bergen, var kanik i Bergen og sokneprest i Hamar, men vart uforlikt med biskop Olav Torckellsson, og før til Trondheim og levde der sidan, "men efterdi han vilde ikke der lade av med hans papisteri ok annen ugudelig handel, var han der forakted ok lever der som en arm mann, 1563, ok vil ikke lade sig undervise i Guds ord".<sup>5</sup> Skal ein tru mester Absalon, so var grunnen til Peder Skervs trette med bp. Olav "en nunne som de baade elskede", - m. Peder hadde ein son som var vaksen i 1563 - og den ubøyggelege katoliken var soleis ikkje uklanderleg in puncto sexti, men hans truskap mot fedrekyrkja var likefullt ærleg.

Naar umskiftet ved reformationen gjekk so lempelegt for seg, utan braa og uppsaatvekkjande fornying av presteskapet, daa er dette skjet fullt ut med godkjenning av kongen. Han hadde paalagt Esge Bille i 1537, at han skulde lata prestane bliva ved sine gamle ceremonier til vidare og ikkje innsetja nye predikantar for ikkje aa skræma aalmugen. Det er vel trulegt, at mange av dei katolske prestane ikkje gjorde so store utvertes brigde i ritualet ogso etter dei hadde fenge den nye gudsteneste ordning i hende. Men naar der kom ein av dei nyupplærde lutherske prestane til bygdi

(s. 567 og 568 mangler)

Dei katolske prestane som vart sitjande i embete maatte no til aa læra um att. Ordinansen formana predikantane til aa lesa "gode bøger"<sup>6</sup> og forat dei kkkje skulde forvillast av dei "mange skarns bøger" som kom ut i prenten,<sup>7</sup> vart det fyreskrive at dei skulde halda seg til dei bøkene som var vedt<sup>en</sup> av "vise og lærde menn", "paa det at de ei maa under sandheds skin inddrikke ogsaa vildfarelse, til deris store fordervelse, som dennem skulle tillide". Dei fyreskrivene bøkene er:

den heilage skrift,

Luthers sundagspostille,

Melanchthons apologi, 6: Conf. Aug. 1530<sup>8</sup>

Melanchthons loci,

Luthers katekisma,

den sachsiske visitationsbok,

den danske kyrkjeordinansen.

Av desse skrifter fyrelaag dei tre site i tilgjengelege trykte utgaavor. Katekisma var fleire gonger umsett til dansk, den sach. visitationsbok var umsett til latin av Bugenhagen for den danske

kyrkja og prenta 1538-9, og utkom paa dansk 1550, ordinansen var utkomen i tre utgaavor 1537.39.42. Derimot fyrelaag ingi umsetjing av heile bibelen - den kom fyrst i 1550; Luthers postille vart ikkje umsett fyrr i 1564 (av Peder Tidemand). Melanchthons loci<sup>9</sup> og Conf. Aug. var det rimeligvis tanken, dei skulde lesa i den latinske originaltekst. Men i 1540 aari var det ikkje mogelegt aa oppfylla fyreskrift i ordinansen um bøkerne meir enn delvis. Prestane i Noreg fekk daa i rette tid eit ypparlegt hjelpemedel i hende, nemleg Brevis expositio catechismi "pro parochis Norvegi-  
 anis per doctorem Petrum Palladium"<sup>10</sup>. Boki vart<sup>til</sup> etter oppmoding av superintendenten i Ribe Hans Vandal, som paa synoden i Kjøpen-  
 hamn 1540 bad Palladius skriva ei rettleiðing for dei danske prestane. Men Palladius tenkte som rett var, at nordmennerne trengte meir til hans tenesta, "dei har alt i nokor tid vore ille medfarne og ligg som sauder utan hyrde"; den gang han skrev boki, hadde den norske kyrkja berre tvo tilsynsmenner, Geble Pedersson i Bergen, og Jon Guttormsson i Stavanger som nyleg var innsett. Palladius gav difor boki titelen "for norske sokneprestar". Boki turde vera blitt mykje brukt og umtykt, frangaar av at ho stadig kom ut i nye opplag i 1540-50 aari, i alt er 10 ulike trykk nemde 1541-59, og ho vart i 1546 umsett til dansk til bruk paa Island.<sup>11</sup> - Boki er ei utlegging av dei fem partane i Luthers katekisme, sumt i spursmaal og svar, sumt thetisk. Bang karaktiserrar boki som eit "klart af evangelisk varme aandende skrift"<sup>12</sup>

NOTER TIL KAP. XI. 4. Landsprestane

1. 23/11 34 10<sup>15</sup>-11 9 th.
2. Oslo, Stavanger, Bergen, Trondheim, jfr. Bang, Geist. Bang, Ref. 31.
3. Undantak: Berg. HæF. Skr. No. 11. 1905. III, 8. DN IX 726.
4. Ref. 346.
5. N. Mag. I, 225.
6. DK1 I, 51.
7. DK1 I, 118-9
8. Fl. ov. Prestmtd. 264.
9. Loci kom paa dansk 1622. Bibl.D. I, 184. Conf. Aug. umsett til dansk 1533 av J.J. Sadolin, Brønn. Aarsb. II, 61 f.
10. Utg. av A.P. Bang, N. Teol. T. 1886 ogso serskilt.
11. Utg. av J. Belsheim 1900 (J. Dybwad).
12. Bang. Ref. 347.



## 5. Eit nytt evangelisk presteskap - univeristetstudier og skular.

Den andre oppgava, som laag fyre hand, var aa skapa eit evangelisk presteskap. Korleis det lukkast for vaare fyrste superintendentar aa gjera evangeliske predikantar ut av dei katolske prestarne som vart sitjande i embete, fyreligg der ikkje opplysning um. For deira ved vedkomande fekk ein i dei fleste fall vera nøgd, um dei heldt gudstenesta etter ordinansen og les ei preika etter ei postilla. Hovudsaki vart aa skaffa tilgang paa nye prestar, som hadde faatt evangelisk opplæring. Og tilgang trengtest hardt, for som Hans Rev segjer i 1542 um Oslo - Hamar bpd. - der er mange Kirker, som "der er ingen Prester til"<sup>1</sup>, eller som Thorbjørn Olavsson klager um sitt store bpd. :der "er ganske vidt besiddet og allerede haver ikke halvdelen prester nok<sup>2</sup>. Der var den raad aa henta evangeliske prestar fraa Danmark. Det forsøkte Geble Pedersson:<sup>3</sup>

"Der sal. M. Geble havde saa forbedret Domkirken, skolen og Tjenernes ( Prestenes ) Boliger, fornam han vel dagligen en stor Defekt og Mangel paa Personer, som skulde tjene i Kirker og Skoler, saavel paa Bygden som i Byen, hvorover han ofte skrev Dr. Peder Palladius til efter adskillege Tjenere, men han kunde dennem ikke bekomme, thi de vilde ikke gjerne dra fra Danmark og hid op til Norrige som da af et almindeligt Rygte var sagt, at være saa farligt og et haardt Folk udi, som sloge Prester og andre ihjel, og der laa en føie Underholdning til Embederne, - da haver Gud opvagt hannen til en besynderlig Nidkjerhed at forfremme Religionen og Guds Ære".

I den fyrste tid er det difor ikkje noko stort innrykk av danskar, av dei nemde grunnar. Det er fyrst og fremst i skulen, at det blir spurlag etter danskar i den fyrste tid etter ref., i prestebeti gjer det danske element seg enno lite gjeldende.

Derimot blir unge nordmenn sendt til utlandet, fyrst og fremst til Kjøpenham, paa studium. Hans Rev interessera seg for, at universitetsstudiene som i den katolske tid kunde skje paa kyrkja sin kostnad<sup>4</sup> - det vil segja med stipendier fraa domkapitli og av fattigtienden. Og rimeligvis er noko gjort av kapitli. Men sjølv kunde superintendentarne ikkje yta noko, utan Geble Pedersson, men han tok seg ogso av denne sak med ein kjærleik og offervilje som tenar hans ettermæle til største heider. Mester Geble var ugjift og vilde heller ikkje som evangelisk gaa inn i ekteskap, "fordi han var en kysk Mand af sin Næst<sup>5</sup>", og daa han soleis var utan arvingar, var det hans ynskje, at han med sit Gods og Pendinge

kunde forfremme Guds Ære og Menniskernes Salighed, og være sit Fædreland til Ære og Prydelse og andre til godt Exempel"<sup>5</sup>. Difor tok han seg av gaaverike fattige ungdomar og heldt dei til boki og sendte dei til Kjøpenhamm og stundom til Tyskland paa studium paa sin eigen kostnad. Desse kallte han sine "børn og arvinger"<sup>6</sup>, og naar dei kom heim, hjelpte han dei til embete og heldt stundom brudlaup for deim, soleis i 1552 for 4 i ein gong. "Havde vi allesammen været hans kjødelige Sønner, hvorledes kunde han skikket sig bedre imod os?" skriv ein av dei.

Av desse mester Gjebles aandelege søner veit vi um elleve, dei fleste fekk embete i kyrkja, og skikka seg vel, med eit par undantak<sup>7</sup>; otte av dei var nordmenn, ein færøying, ein hjelte og ein skotte.<sup>8</sup> Den mest kjente av dei var den namngjetne Absalon Persson, som biskopen tok i huset med han gjekk i skule i Bergen; sidan heldt han den unge mannen i fem aar i Kjøpenhamm, der han budde hos Ieder Palladius, 1544-49, og deretter 3 aar i Wittenberg til 1552, der han tok magistergraden; som skulemann og prest i Bergen vart mester Absalon den mest framskotne og sermerkte representant for den norske humanisme, som blømde fram i biskop Gebles tid.

Ogso andre av dei fyrste superintendentarne frenja universitetsstudier, so godt dei kunde - Jon Guttormsson i Stavanger heldt soleis i 1550- aari 2 studerande i Kjøpenhamm paa kyrkjeleg kostnad<sup>9</sup>. Men nokon stor tilvokster til prestestandet kunde der ikkje bli paa denne vegen. Universitetsstudier var ikkje obligatoriske for prester paa den tid ( og vart det ikkje fyrr 1571 og serleg fraa 1629<sup>10</sup>), og det vara i det heile lenge fyrr den sterke tilbakegangen i norske utenlandsstudier i 1530 aari vart utjamna ved stigning til den høgde desse studier hadde havt fyre reformationen. - Fraa Kjøpenhamms universitet som sikkert tok imot dei fleste norske studerande etter reformationen eksisterar ikkje matrikelen fyrr fraa 1611. Derimot er matr. til fraa Wittenberg som viser innatrikulation av 3 norske i 1540 aari og fraa Rostock, dit 4 norske søkte paa 1540-talet. Det er fyrst i 1550-aari, at straumen til utanlands høgskylar tek til aa auka munaleg: 1550-60 3 i Wittenberg, men 24 i Rostock.

Den største tilvoksteren til prestestandet maatte i den nærmeste tid etter ref. likesom fyrr koma fraa latinskulane ved domkyrkorne, og det galt difor aa reorganisera desse og utstyra dei med dugelege lærarkrefter og serleg med lektorar i theologi soleis som fyreskrive i ordinansen.<sup>11</sup>

Hans Rev gjekk straks igang med aa nyskipa Katedralskulen i Oslo. der var, daa han i 1541 overtok superintendentembetet, 4 kordeknar og 4 korprestar i Oslo domkyrkja, 4 i Mariakyrkja i Oslo, 6-8 i Hamar domkyrkja, - som "oplærtes i Sang og Læsning" og deretter vart sokneprester paa landet. I Oslo skule var der 16 barn "som lære deres Donat og andet" og etter Hans Revs meining<sup>7</sup> ~~det~~ <sup>maatte</sup> vera 12 - 16 læresveinar i skulen<sup>12</sup>, um torvi til nye prestar skulde fullnøgjast, - han fyreslo, at dei skulde ha sitt opphald paa kyrkja sin kostnad medan dei var paa skulen for aa utdannast til sokneprester.

Til skulehus gav kongen i 1542 Oslo dominikankloster, som vart innretta til dette bruk paa kyrkjeleg kostnad.<sup>13</sup> Hans Rev tilsette rektor og det var hans plan aa skaffa locati (hørere) og lector (1542)<sup>14</sup>; men um skulen hadde faatt fullstendig personale i hans tid, saknar vi nærmare opplysning um; det skjede i alle fall ikkje lenge etter; lektor fekk embetsbust<sup>15</sup> i skulen 1546.

I Stavanger<sup>16</sup> gav kongen i 1541 tilvisning paa aa leggja ut gods og nyskipa skulen med rektor og hørere,<sup>17</sup> og skulen vart snart sett i gang igjen av Jon Guttormsson og vart halden i den gamle skulegarden ved domkyrkja, men hadde ingen lektor i reformationshundradaaret<sup>18</sup>.

Best stelt var skulen i Bergen. Mester Geble, som hadde store embetsinntekter, interesserte seg levande for skulen - han hadde sjølv vore rektor ei tid - og kosta mykje paa han. Straks han kom heim etter sin ordination 1537, bygde han eit lite skulehus paa domkyrkjegaarden og tilsette skulemeister.<sup>19</sup>

Men "der Geble formærkede, at Disciplene toge til, saa at den lille Skole var alt for snæver til Skolestue, lod han føre den store Konventstue af Bispegaarden (som nu saa kaldes, men tilforn hed Graabrødre Kloster, hvor de i denne Stue havde med de andre holdt deres Sammenkomst) og sætte den paa Kirkegaarden til en Skole, endog hun var fast gammel og skræbelig af Vanrygt for Munkenes Skyld. Han lod og føre en Gildestue af Bygden (havde været en stor Borgestue) og sætte den nedefor Skolestuen mod Muren af Kirkegaarden, og afdelte den i synderlige Herberge og Losementer at være en bekvemmelig Skolemesters Vaaning, og lod sætte den første lille Skole ovenpaa til et Loft, og nede udi lod lægge den med Astrak (Stenheller) og fly det vel til. Men der han siden fornam, at den gamle Skole endelig stod til Nedfalds, lod han betinge Tømmer til en ny Skole og den lod bygge 1554 med stor Bekostning og Flid og kjøbte dertil en vældig Kakkelovn af Jærn, som siden længe forblev udi Skolen".<sup>20</sup>

M. Geble forbedra inntekterne aat skulen, skaffa dugande lærarar, og underviste stundom sjølv i skulen.<sup>21</sup> Dei emmer og lære-bøker han daa valde, viser hans humanistiske interesse. "Han elskede Musicam" skriv Absalon Pedersson<sup>22</sup>, og gjennomgjekk i morgontimarne paa skulen ei kyrkjemusikalsk handbok av ein av dei sachsiske reformatorane, Johann Spangenberg (1484-1550), forfattar av talrike skulelære-bøker og fraa 1543 den fyrste evang. superintendent i Luthers fødeby Eisleben. Hans bok "Comutus ecclesiasticus, manu, scalis, rotulis et figuris illustratus",<sup>23</sup> fyrste gong utgjevi 1539, inneholdande latinske og tyske kyrkjesongar med noter og musikalsk apparat, var det m. Gjeble la til grunn for si undervisning. - Daa han var ferdig med den, tok han (ca. 1543)<sup>24</sup> fatt paa ei bok um ungdomsuppseding, Pædagogia, sive: de puerorum moribus libellas, av den franske humanisten og fyrstelege huslæraren Nicolaus Borbonius (1503-50); boki som kom ut i 1536, var skrivi paa latinske disticha og tente difor eit dubbelt formaal, baade aa læra upp i gode seder og i klassisk verskunst.

I full stand kom Bergens skule, daa mester Gjebles fosterson Absalon Pedersson Beyer<sup>25</sup> etter 8 aars utenlandsstudier<sup>26</sup> vart tilsett som lector theologiæ<sup>27</sup> i 1553.

Traudt gjekk reorganisationen av skulen i Trondheim. Han vart halden igang av kapitlet under bispestolvakansen<sup>28</sup>, men full nyskipnad var det ikkje tale um fyrr mester Thorbjørn Olavsson hadde overteke superintendentembetet i 1546. Daa skulen hadde mista sine inntekter ved inndragingi av bispestols- og domkyrkjegodset, kravde mester Thorbjørn godset aat skulen tilbake<sup>29</sup>, men faafengt. Kongen hadde den oppfatning, at kapitlet var rikt nok til aa halda skulen igang paa sin eigen kostnad, og daa m. Th. vart burtrykt ved døden straks etter, tilfall det hans danske ettermann aa setja hans planar i verk. Lektorat skipa 1553.

Utdanningi av prestar skreid jamt framover.<sup>30</sup> Theologiske lektorat vart skipa i Oslo 1546/9, i Bergen 1553, i Trondheim 1553. Ved dei største skulane blir der tilsett ein 2dre hører - lærarkollegiet utgjer no 4 personar baade i Bergen og i Oslo<sup>31</sup>.

Frants Berg tok seg serskilt av skularne i dei mindre kjøpstaderne - det var jo berre i hans bispedømme, at det fanst skular utanom stiftstadene, men noko nærmare um dette er ikkje kjent.<sup>32</sup> Eit vakkert utslag av denne interesse for skularne er at no kathe-dralskulen i Hamar vert sett igang igjen etter aa ha vore Medlagt i lengere tid. Det var Frants Berg saman med lensherren paa Akershus

og nokre av kanikarne fraa Oslo og Hamar kapitel, som gjorde framlegg um aa nytta kommunrenta aat Hamar kapitel til aa skipa ein skule ved Hamar domkyrkja, "Hvorudi Ungdommen til Guds Ære og Religionens Forfremmelse maatte læres og optugtes". Hertil gav kongen i 1572 sitt samtykke.<sup>33</sup> Naar kommunrenta var nytta i 3 aar til aa setja istand att Hamar domkyrkja etter branden i sjuarskrigen, skulde skulen setjast igang, "10 fattige Børn som ellers ingen Hjælp have", skulde ha fritt opphald av kommunrenta og forresten ha sin sokgang over Hedmarka - skulemeisteren skulde bu og byggja paa dei gamle kommuntomterne. Dagleg skulde peblingarne med skulemeisteren halda kortenesta i domkyrkja morgon og kveld.<sup>34</sup>

Den millomalderlege skikk at skuledisciplarne sjølv hjelpte til aa skaffa noko til sitt opphold ved aa vandra ikring paa byggi og samla tvo ganger um aaret - um sumaren og jøli - var enno overalt i bruk i Noreg, heilt ut i det 17de hundradaaret.<sup>35</sup>

I Oslo bispedøme var dei ute paa "sognegang" 12 vikor kvar gong.<sup>36</sup> Dette gjorde dei nok populære millom folket, men for skulegangen var det til stort hinder, - halve aaret gjekk tapt paa den maaten, og superintendentarne arbeidde difor for aa skaffa deim hjelp paa annan maate. Mykje praktisk var den maaten som og samstundes vart brukeleg i Danmark, at eit visst tal disciplar fekk kosten paa (eller fraa) kongens gard i stiftstaden. D<sup>e</sup>t fyrste ynskje um ein slik skipnad i Noreg vart sett fram i 1552 av Hans Gaas<sup>37</sup>, som fyreslo at (...) disciplar skulde faa kost paa "biskopsgarden" ( i Trondheim erkebpsgd.) "eller anden hielp", og i 1557 bad Jon Guttormsson um at 6 - 8 disciplar av Stavanger skule maatte faa kosten paa kongsgarden (den fyrre bispegarden).<sup>38</sup> Kongen gjekk ikkje med paa noko av dette, men det lukkast Frans Berg aa bryta isen, daa han i 1557 fekk kongen til aa innrøma 10-12 deknar "underholdning" paa Akershus slott.<sup>39</sup> Det var lettare aa oppnaa den same fyremun adg<sup>re</sup>re stader. I 1568 gav kongen paa Hans Gaas's bøn 12 "fattige og nødtørftige" personar av Trondheims skule "Underholdning til Mad og Øl" paa "vor Gaard" i erkebispegarden i Trondheim.<sup>40</sup> Og i 1575 løyvde kongen aarleg kost\* til 12 skulepersonar, seinare kallt "Davidsdegne", "som er Forhaabning om udi Fremtiden at skulle bruges udi Kierketjenæste". Denne "genant" som vart disponert av bispen, predikerne og skulemeisteren i Bergen vart svare in natura og utgjorde: 48 tdr. mjøl, 60 tdr. malt, 60 skippund humle, 12 laupar smør, 18 nauteskrøttar, 36 sidor flesk, 40 vaager bergefisk, 1 læst sild, 1/2 læst torsk, 6 tdr. gryn, 1 skpd. tiendeost, og

lot-  
jen

12 mk peningar til sko.<sup>41</sup>. I Stavanger vart underholdet aat disiplane skipa annarleis, soleis som det seinare skal bli tale um.

Ein annan maate aa gjeva skuledisciplane hjelp paa vart vanleg paa grunnlag av fyreskrifti i fundatsen for Kjøpenhamns universitet av 10/6 1539, at kanikar som for sitt embete skuld ikkje kunde tenestgjera ved sjølve domkyrkja, skulde halda ein "choral" i sin stad til aa utføra deira plikter ved den daglege kortenesta. Det vart etterkvart fleire stader det vanlege at koralarne vart underhaldne av kommungodset aat kapitlet. Etterkvart som det kanoniske felleslivet løyste seg upp, maatte der finnast ein høveleg bruk av kommungodset - det vart noko ulikt skipa i dei ymse stiftstaderne i Noreg, men i allefall i Oslo vart det fordelt i portionar millom kanikarne slik at kvar fekk sin portio choralium, anten han var residerande eller ei. I Hamar vart heile komungodset lagt til skulen.

Endaa skuledisciplarne soleis hadde faatt rett god hjelp, vedvara soknegangen overalt, ja vart til og med uppehalden ved uttrykkeleg fyreskrift soleis som i Hamar. Men biskoparne tek til aa faa auga upp for, at fyremonerne ved denne skikk var mindre enn den "ikke ringe skade og forsømmelse" det valde at disiplane var burte fraa skulen so lenge, og ein av Frants Bergs siste embetshandlingar var aa beda kongen "betenke" dei fattige deknarne paa nokon maate<sup>42</sup>.

Latinskularne tek no uppsving. Millom lærarne er det fleire dugande folk, og dei beste av skularne, serleg Trondheim, Bergen og Oslo utviklar seg til centra for humanistisk lærdom. Der blir undervist i grøsk og hebraisk i Trondheims skule. I Bergen heldt Absalon Pedersson fyrelesningar over Melanchthons Loci<sup>43</sup> og over Nils Hemmingssøns Methodus et ratio concionandi. Her oppfører ogso skuledisciplarne etter den tids skikk i andre land skodespel: baade paa latin og norsk baade over bibelsk og profane emne: i 1563 komedia "Adams fall", <sup>44</sup>vistnok ei norsk umarbeiding av det franske mysterieskodespel fraa millomaldere Adamsspelet, - i 1567 tvo stykker av den klassiske latinske dramatikaren Terentius: nemleg "Andria" og "Phormio", i 1571 "en komedie paa norsk", ei komedie som heitte "Studenten" og ei tragedie "de Imaginibus", i 1572 ei komedie. Det var mester Absalon som arrangerte dei fleste av desse spel, "med stor umag og bekostning", - dei vart oppført paa kyrkjegarden i fri luft.

Ein lærd mann som biskop Skjelderup var, interesserte han seg for dei kyrkjelege studier, og paa synoden for Bergens bispedøme i 1569 tilbød han landsprestarne i bispedømet aa skipa fyreles-

ningar i teologi og filosofi ein maanad i Bergen og innbaud deim til aa koma og høyra desse, men merkeleg nok var der ikkje so mykje interesse millom prestarne at dei tok imot tilbodet - " de svarede at det var dem ikke beleiligt, og takkede doctor"<sup>45</sup>.

Utenlandsstudierne søkte no kongen aa koncentrera i Kjøbenhavn<sup>46</sup>, ved eit paabod i 1558 um at kapitli i Noreg skulde halda otte studentar ved universitetet der<sup>47</sup> - tvo fraa Oslo, Bergen og Nidaros, ein fraa Hamar og Stavanger. Trondheims kapitel var ikkje synderleg glade ved dette paalegget<sup>48</sup> - det var visstnok den gamle trøndske uviljen mot danskarne som sat dei djupt i kjøtet, - det vart nemnt økonomiske hindringar, og idet heile klaga over at dei som studerte utanlands paa foreldri sin kostnad vart tilsidesett for framande som kom "tilløbende".<sup>49</sup> Utan tvil ligg der under her eit ynskje um at kapitli maatte ha sin gamle fridom til aa senda sine stipendiatar til kva universitet dei ynskte, og at dei studerte landsens eigne søner maatte ha fyrerretten framfor danskar som no søkte i større tal enn fyrr til Noreg.

I 1569 skipa kong Frederik II etter mynster av tyske studentkonvikter det sokallte kommunitet ved Kjøbenhavns universitet, ein institution til underhald av 100 studentar<sup>50</sup>. Denne var dotert berre med dansk jordegods og inntekter og det kann difor ikkje vera tenkt at den ogso skulde koma Noreg til gode, men serleg vera til nytte for Danmark. Det vart ogso tilfelle. Umsider oppnaade ogso nordmennerne ein fast del av plassarne ved Kommunitetet, men det var berre eit mindretal, ialt tolv, nemleg 4 for Oslo og Trondheim, 2 fraa Bergen og Stavanger kvar, og det er ikkje fyrr i 1607 at vi finn ei uttrykkeleg fyreskrift um dette<sup>51</sup>, - islendingarne hadde alt i 1579 faatt ei fyrerrett til plassar<sup>52</sup>. Nordmennerne tok likevel til aa søkja seg inn temmeleg snart, - ein og annan nordmann hadde plass paa kom. i slutten av 1570 aari, men sidan auka talet og i 1590 aari finn me rett mange nordmenner millom alunnarne<sup>53</sup>.

NOTER TIL KAP. XI. 5. Eit nytt presteskap - universitetsstudier og skuler.

1. Theol. T. 3 I, 510-1
2. DMag. VI, 297. 1547 Páll: som sauder utan hyrde.
3. N.Saml. I, 10.
4. Theol. T. 3 I, 512.
5. NSaml. I, 10-11.
6. ib. 11.
7. Bang, G. 228. 300f.
8. N. Saml. I, 12-14. 19.
9. 1924 9/2 11<sup>15</sup>-12. 3 tilh. Bang, Ref. 206
10. DKl II nr. 291. III nr. 154.
11. 30/11 9 - 10 6 th.
12. Theol. T. 3 I, 511.
13. DN XV, s. 686
14. Teol. T. 3 I, 511 f.
15. NRR I, 87: 1546, kongen gjev (paany) Oslo Dom.kl. toå skule, lectorium og læsemesters bolig til evig tid.
16. Bang, Geistl. 159: lektor mag. Jørgen + 1549.
17. ib. 160: Rasmus Hjort utn. til hører millom 1551 og 1554. Skulen istand 1547 (uppbygd med kyrkjetiende NRR I, 94. DN XV 559.
18. Ref. Bang 205-6. Bang Geist. s. 278: Simon skolemester 1554.
19. N. Saml. I, 10.
20. N. Saml. I, 16-17.
21. ib. I, 16, jfr. 11.
22. ib. I, s. 8.
23. Bang, Kh. Smaast., 230. Herzog<sup>3</sup> XVIII, 565
24. N. Saml. I, 16. 11.
25. NB. AP. kaller seg ikkje mester fyrr i 1562. N:Mag. I, 197.
26. At A.P. var magister er sikkert. Han kaller seg so sjølv i kapitelsboki. Bang. Ref. s. 38 segjer han tok graden i Wittanberg men Thormodsæter, Mag. i Wb. s. 6, viser at dette er eit mistak, og at A.P. maa ha teke graden i Kjøpenhamm. Soleis ogso Storm i DBL XII, 690
27. N:Mag. I, 185.
28. Er. 10. Lektor Bernardus ( : lektoren ved dominikanklosteret i Nidaros - DN VII, s. 670. XI nr. 581) lova framleides aa halda fram som rektor 1540, og raka betre vare paa skulen enn fyrr. Nyrup, Lat. Skoler, s. 66.



29. Før at der kunde tilsetjast lektor. DMag. VI, 2978.
30. 1940 26/9 11<sup>15</sup> - 12 5 tilh.
31. Bang, G. 231.160 R 52.
32. N Rr I, 330.
33. N R II, 20-2.
34. Skule paa Vesterhus i Jamtland etter 1570.
35. Bang 343
36. Dombog 1580, s. 133. KhS 3. V, 350 ff.
37. HG.mem. § 22.
38. Bang, 207.
39. NRr I, 225.
40. NR I, 603, II, 71.
41. NStift. I nr. 4.
42. N Herredags Dombog 1580, s. 133.
43. Bang, 39.
44. N. Mag. I, 212. 402. 433. 447. Norv. Sacra I, 35.
45. N. Mag. I, 358.
46. 1539 vart fyreskrive, at ingen kunde bli kanik utan aa ha studert 2 aar i Kjøpenhamm. DK1 I, 37.
47. NRr I, 243.
48. DN IV 1140.1141.
49. Bang 172.
50. H. Beckman, Comm. reg. Havn hist., Havre 1785, 160-82.
51. N. Kbrd. 1607, f. 296.
52. DHT. 3 III, 86.
53. Rørdam, Hist. Saml. o stud. II, 341-83. jfr. NR I , 616:  
sokneprest i Kph., held kapellan heime. 1569. II, 58. 1573.  
98. 1574.

## 6. Visitasar og provstar.

Visitasarne tok no til aa spela ei større rolle. Der blir visitert i alle bispedøme, og sovidt ein kann forstaa, rett flitug. Frants Berg talar i 1555 um, korleis han har havt mykje "arbeide og stor umage med megen visitering over klipper og dale".<sup>1</sup> I 1564 visiterte han i Solum og atter i 1567,<sup>2</sup> det tyder paa at han har forsøkt aa fara over stiftet kvart 3 aar. Hans Gaas var alt fyre 1552 i full gang mēd visitas,<sup>3</sup> og i 1560 finn vi han paa visitas i Nordland, daa han etla seg ratt til russegrensa.<sup>4</sup> Jens Skjelderup møter vi oftare paa visitasreisor<sup>5</sup>. Jens Ribers suffragan Jacob Matssøn døydde paa visitas i Valdres i slutten av 1560 aari<sup>6</sup>.

Visitasarne skulde vera det viktugaste middel til aa faa reformationen gjennomført. Det var med visitering at den nye kyrkjeordning vart sett ut i livet i reformationens sitt moderland Sachsen, og for den dansk-norske reformationskongen var det "alsomstørst meget paaliggende" at aalmugen søkte soknekyrkja ved visitas for aa høyre Guds heilage ord og evangelium og lata seg undervisa til si sjæls salighet<sup>7</sup>.

Men i Noreg var det tvo store hindringar for at visitasarne no etter reformationen kunde bli fullt effektive.

Den eine var den som alt Geble Pedersson hadde aa kjempa med - at aalmugen ikkje møtte fram.<sup>8</sup> Tildels kunde superintendenten sjølv vera skuld i dette, soleis naar Frants Berg som nykomen og lite kjend med kor vidt og spreidt bygt landet var, ikkje varskudde aalmugen i tide i fyrevegen.<sup>9</sup> Men stort set var det den same likesæle uvilje som Geble Pedersson hadde møtt i Bergens bispedøme, som gjorde seg gjeldande ogsø i Oslo-Hamar og Trondheim bpdd. Rettebot for Bergens bpd. 1544 sette pengebot for aa forsøme visitasane.<sup>10</sup> Kongen innskjerpte møteplikti aat aalmugen ved brev til Oslo bispedøme 1550<sup>11</sup> og til Trondheims bispedøme 1552<sup>12</sup>, med trugsmaal um at den kongelege lensmannen skulda straffa dei forsømelege "tilbørligen". Møteplikti ved kyrkjelege visitasar vert jamstelt me plikti til aa møta ved dei verdslege ting, og den gamle skikk aa varsku ved aa senda kross (eller bodstikka) rundt i bygdi er enno vanleg i den fyrste tid etter ref.<sup>13</sup>

Men superintendentarne hadde ogsø venskelegt for aa koma ut paa visitas, for dei hadde ikkje soleis som dei gamle biskoparne folk og føringskap til aa skyssa seg ikring. Aalmugen vilde ikkje skyssa, - dei hadde ikkje havt skyssplikt for biskoparne fyrr. Og leiga seg

skyss hadde superintendentarne ikkje raad til med si ringe løn. Kongen prøvde aa bøta paa dette anten ved aa gjeva bønderne paalegg um aa skyssa biskopen baade til lands og til vats (Trondheim 1552)<sup>14</sup> eller ved aa leggja noko kongetiende til bispeembetet til skyss-godtgjersla (Bergen 1558)<sup>15</sup>

Nærmare kjennskap til kva maate dei fyrste superintendentarne dreiv visitasarne paa har vi ikkje. Der fyreligg ikkje uppteikningar eller dokument av noko slag um det.

I samanheng med dette meir energiske visitastilsyn staar det, at superintendentarne freista aa reorganisera provsteembetet paa evangelisk grunn.<sup>16</sup> Etter kyrkjeordinansen<sup>17</sup> skulde provstarne vera medhjelparane aat superintendentarne, og det skulde vera ein provst i kvart herad. Dei skulde halda visitas i heradet kvart aar, høyra kyrkjerekneskaparne og halda tilsyn med embetsførsla aat prestarne.

Det katolske provsteembetet paa landet var eit verdslegt oppbørselgumbod for biskopen - provstarne var futarne aat biskopen, kravde inn inntekterne deira og paatala kyrkjelege saker. Daa inntekterne aat bispestolarne ved reformationen gjekk over til kongen ved ref. kom dette provsteembete heilt under dei kongelege lensherrarne: hofmannsprovstar.

Frants Berg, som visstnok ikkje var heilt klar over samanhengen, fekk kongen til aa gaa med paa, at prestar skulde tilskikkast som hofmannsprovstar, men daa lensherren forklaara at kongen vilde tapa i inntekter um prestar skulde krevja upp provsterenta for kongen istadenfor dei kgl. sveinarne, so vart dette straks umgjort.<sup>18</sup> Hans Gaas derimot hevda, at kronens og stiktenes rente burde oppkrevjast av kongens futar, og at serlege kyrkjelege provstar skulde fylgja superintendenten paa visitas og ha tilsyn med "at christelig religion ved magt holdes".<sup>19</sup>

Det ser ikkje ut til at det so snart lukkast aa faa det kyrkjelege provsteembete organisert etter ordinansen. Sovidt eg ser, var det ikkje fyrr i 1580-aari, provsteembetet var innført overalt i Noreg. I Trondheims bispedøme arbeide Hans Gaas i 1558 med aa faa skipa provsteembetet, fastsett plikterne og ordna valet.<sup>20</sup> I Stavanger bispedøme var der provstar overalt i 1573<sup>21</sup>, i Oslo-Hamar bd. i 1580-aari - og kallast her religionsprovstar<sup>22</sup>, i Bergens bd. vart dei fyrst innført i 1584 etter synodevedtak.<sup>23</sup>

NOTER TIL KAP. XI. 6. Visitasar og provstar.

1. Bang, 102.
2. Søfren Søfrenssøns memorialbog s. 3.
3. Bang, 163.
4. DN XII 671.
5. Bang, 50.
6. 212
7. Paus, II 316, DN XII s. 797.
8. bl. 871 f.
9. NR I 132.
10. Chr. III, II 380.
11. NRr I 124 = Paus, II 315-16.
12. NRr I 150 f. DN XII 647.
13. C III Hist. II 380. H. Gaas's memorial § 14.
14. DN XII 547. NRr I 150-1. H. Gaas's memorial § 11.
15. DN IV 1139. NRr I 305, II 57.
16. 30/11 10-11 6 th.
17. DKl I 106, 113.
18. DN XIII s. 791, NRr I, 133.
19. H Gaas's memorial § 10.
20. DN XII, s. 815.
21. LDp 546.
22. JN I, 187 f.
23. Bg 64.

## 7. Mangler ved presteskapet.

I samanheng med den kyrkjelege økonomi tok der til aa syna seg ymse mislege tilhøve, daa det leid ei tid etter reformationen.

Fyrst er aa merka, at simoni tok til aa snika seg inn, i ymse former. Reformationslovgjevingi hadde vore paa vakt mot denne misbruk som hadde gjort den katolske kyrkja so mykje skade,<sup>1</sup> men den evangeliske kyrkja var ikkje istand til aa halda seg fri for den same synd.

Dei kongelege lensmennerne som hadde stadfestingsretten paa kyrkjelege kall<sup>2</sup>, tok imot gaavor av embetssøkjarane, og desse let seg ofte freista til aa skaffa seg eit kall eller byta til seg eit betre kall ved midnær av denne art. Det vart difor i Danmark i 1550-aari vanlegt, at biskoparne kravde ein eid av dei utvalde prestarne, at dei visste seg fri for simoni.<sup>3</sup>

Det kunde ogso henda,<sup>4</sup> at allmugen gjorde avtale med presten um, at han skulde gjeva avkall paa visse rettigheiter, anten for aa bli kalla til embetet eller for aa bli sitjande i kallet.<sup>5</sup> Paa denne uskikk, som har fyrekome ofte i seinare tid, like inn i 19de aarh., finst der ogso døme fraa reformationshdr.<sup>6</sup>

I 1560-70-aari maa ogso biskoparne i Noreg til aa kjempa mot simonien.<sup>7</sup> Frants Berg i Oslo klagar til kongen over "Uskikkelighed om Sogneprestere Indsættelse", - og kongen paalegg lensherren aa straffa dei som handlar mot ordinansen i dette stykke.<sup>8</sup> Daa kongen i 1571 gav Mats Skeel lensbrev paa Helgeland overdrog han honom "Befaling over Prestene der paa Landet og Prestesager, at handle med Indsætning og anden Tilfald", "dog skal han Intet med dem paa-slaae, uden hvis han kan gjøre efter den geistlige Ordinans". Endaa tingen ikkje er nemnt med sit rette namn, men vert umtalt eufemistisk, skin det klaart igjennom, kva det gjeld. Paa synoden i Stavanger 1573 vert det talt reint ut um dei som "med skenk ok gaver vil kjøbe sig evangelii embede til" og "indtrenger sig med simoni" til noko prestegjeld.<sup>10</sup> Dei skal mista sitt kall og røma stiftet.

Eit anna utiltalande misbruk av økonomisk art er det, at prestarne dreiv kjøpmannskap.<sup>11</sup> Det var ein gamall sedvane som hadde festa djupe røter alt under katolicismen. Det heiter i 1521, at "prest-menn i Nordlandene drive stor handling med kjøpmannskap og seglats",<sup>12</sup> dei hadde store skip og upptil 10-15-20 drenger, og dreiv fiske og handel, og daa denne umsetjing vistnok mest skjede til sjøs utan

at varone kom i land og vart skattlagt av kongen, forsøkte Christiern II aa koma prestehandelen til livs. K.Ordinansen forbaud prestane strengt aa driva kjøpmannskap, men gamall vane er vond aa venda, og dei held ved med handelen etter ref. som fyre, ikkje berre til sjøs men ogso i bygderne.<sup>13</sup> Derved kom dei til aa tevla med byborgarane som kravde einerett til handla med bønderne. D<sup>u</sup>et var elles ikkje prestarne aaleine som soleis gjekk byborgarane i næringi - alt herskap som uppebor inntekter av jordegods, verdslege sovelsom geistlege, futar, lensmenn og adelsmenn, dreiv handel med bondevaror. Der kom klage over dette fraa kjøpmennene i dei norske byarne, serleg fraa Bergen, og kongen forbaud difor i 1552 aa driva handel paa landet med anna enn heimfød fé og heimeavla gods;<sup>14</sup> ingen annan enn busittjande byborgarar maatte driva handel, og for aa draga handelen med bønderne til seg, utverka kjøpstadsborgarane i 1557 eit kongebrev til adel, futar og prestar, at bønderne fritt maatte selja sine varor til kven dei vilde, - berre kongen skulde ha fyrste kjøpet.<sup>15</sup>

Det lukkast likevel ikkje so snøgt aa tvinga prestarne til aa oppgjeva ei gamall inntektskjelda som kjøpmannskap. Baade Nordlands-handel og bygdehandel vedvara. Baade borgarar og prestar for til Nordland, kjøpte fisken fyre han kom til lands og undandrog han dermed fraa tienden - og istaden innførte dei varor som "vin, bastert (eit slag vin), romeni (eit slag vin), brennevin, figen, rosiner, peberkager og allehaande krømmeri som bønderne mere ere til forderv end til gagn".<sup>16</sup> Dette forbaud kongen 1562.

I Oslo-Hamar stift var det prestar som "drog op udi landet" og kjøpte opp kjøpmannsvaror av bønderne, og naar borgarane kom, var vara upptinga og oppkjøpt, so "de kan lidet fange". Oslo-borgarane klaga i slutten av 1570-aari til stadtholdaren, som raadsla med biskop og kapitel um saki, og resultatet vart, at biskopen skulde gjeva presteskapet ei paamining, og truga kjøpmannsprestarne med avsetjing. Dette hyrdebrevet av Frants Berg, . . det einaste vi har fraa hans hand gjev eit vakkert inntrykk av den gode kyrkjelege aand, som raadde hos dei leidande kyrkjemennerne:<sup>17</sup> "Betenker, dannemenn, at saadant er imod Kong. Maits. ordinants, at prester skal ikke videre kjøbslaa end de haver behov til deres underholdning, ikke til at udselje andre, men saa mægit som de have behov til sig sjelver. Ok betenker, I dannemenn, at I ere præstmenn, der skal studere i den Hellige Skrift ok have Christi hjord udi befaling, at den ikke forsømmis udi deris saligheds sag. Hvem det skal gjøre

han kan ikke vel tage vare paa kjøbenskab etter befatte sig med annen verdslig handel, om han vil staa sit embede vel for; thi hans bog og han<sup>s</sup> embede han er kallid til, skal faa hannom nok at tage vare paa, saa han skal ikke have behov at bekymre sig med annen verdslig handel. Thi vil det ikke skikke sig at en prestmann thi det er best at en kjøbmand skal være en kjøbmann, bliver en kjøbmann, ok en prestmann bliver en prestmann... Thi at det gjelder ikke om ringe ting, men om Guds ære ok menniskers salighed; hves den forspillis, skal de svare til, som haver religionen udi befaling, ok betenker, I dannemenn, der I bleve ordineret, da blev I ikke ordineret til kjøbmenn, men til prestmenn. Desligeste tenker ok, hvad handskrift I mig givit haver, saa mange som av mig ordineret er, at I skulde ikke befatte Eder med verdslig handel, men tage vare paa Eders bog ok skikke Eder som prestmenn bør at gjøre. Jeg vilde nødig det skulde komme udi Kong. Mait. øren, at jeg haver ordeineret kjøbmenn til prestmenn. Her kunde i dannemenn vide at rette Eder efter".

Ei tredje freisting som laag nær for prestane var aa nytte dei økonomiske fyreskrifterne i reformationslovgivingi paa ein vilkaarleg maate, - ikkje aa halde seg til dei bestemte rettigheiter for kyrkjelege handlingar, som recessen av 1539 sette, men taka den avgift dei sjølve fann for godt. At dei framleides tok imot avgifter som var vanlege i den katolske tid, men ikkje var stadfeste ved reformationen, var det mindre aa segja paa, naar bønderne var viljuge til det. Annarleis var det um dei beintfram kravde aa faa desse gamle rettigheiterne; vedlagtinget i Oslo 1563 vart det dømt millom presten og aalmugen i Rollag i Namdal um rettigheiterne, - dei lovlege vart stadfesta, men "den kyrmesse-ost, som de hidtil udgivet haver, skal være avlagt"<sup>18</sup> Derimot var det slett og rett ulovlegt, når prestarne tok større avgifter enn recessen fyreskreiv, og nekta bønderne si tenesta med mindre dei svara det dei forlangte. Vitnemaal um dette fraa den fyrste menneskealder etter ref. saknast, men det har ganske visst fyrekome slike tilfelle, so der var full grunn til at dei danske riksraadarne som i 1568 vitja Noreg med kongens fullmakt, hr. Jørgen Lykke og andre, i 1568 fornya Trud Ulvstands recess, og kongen sjølv stadfeste baae recessarne 1567 og 1574.<sup>19</sup> I 1578 klaga aalmugen over at "naar nogen mann eller kvinne dør ok avgaar, maade give presten en ko, endog de ikke eige saa møgit (recessen fyreskreiv, at denne avgift berre kunde takast av den som aatte minst 6 kyr); og udi brudvielse j tønne

korn ( istadenfor 6 skilling), samledes udi kirkegang  $\frac{1}{2}$  pund smør eller diss verd (det maatte berre takast av dei som aatte meir enn 6 kyr), dissligeste udi offerøre  $\frac{1}{2}$  tønne korn eller diss verd (istf. ei skjeppe). Og naar de ikki ville give presterne efter deres vilge, ville de ikke gjøre denom, hvis de denom plictug ere".<sup>20</sup> Herredagen stadfeste naturlegvis recessarne, Men i einskilde tilfelle hendte det, at presten maatte betala tilbake det han hadde teke for mykje, soleis som naar lagretten i Oslo i 1573 dømte presten i Høland til aa gjeva tilbake ei ku han hadde uppebore i utferd og nøgja seg med 8 skilling etter recessen.<sup>21</sup>



NOTER TIL KAP. XI. 7. Mangler ved presteskapet.

1. DK1. I, 16. 197 f.
2. = 1935. Prestekallingi s. 44, 45.
3. DK1 I, 395. 463. 470-1.
4. Prestekallingi s. 48.
5. Daae, Geistl. kald. 36 f.
6. Bang, G. 241, KhS 4. IV, 219?
7. Prestekallingi s. 46.
8. NR I, 329.
9. NR I, 700.
10. SDP 546 f.
11. = 1935, Vaart fyrste evang. pretestand, 5-8.
12. DN XIII, s. 158.
13. = 1935, ib. s. 9-10.
14. DN XII, 648.
15. NR I, 226.
16. NR I, 348-9.
17. JNV I, CXCII-CXCIII. Bang, R 104-5.
18. Bang G. 71-2.
19. NR I, 555-60.
20. Domb. 1578, s. 143, 286-7.
21. N. Stub. 41.

## 8. Ingen norsk kyrkjeordinans

Naar eit kyrkjelegt tilhøve som tiendespursmaalet kunde bli skipa so ulikt i dei ymse bpdd. paa same tid, hadde det sin grunn i, at den evang. k. i Ng. enndaa sakna ei serskild norsk klov.<sup>1</sup> Noregs & i den dsk KO. gav lovnad um at kg. skulde skipa ord. til etter norske tilhøve so snart han kom til Ng. Det vart aldri nokon Chr. IIIs Noregsferd, men daa han i 1548 sendte son sin, Fredrik (II) til Oslo for aa ta imot eid og hylling av nordmennerne, fyrebudde han prinsen paa aa svara, um det vart spurt etter ordinansen. Kva som vart spurt og kva som vart svara er ukjent, men noko tiltak vart ikkje gjort. Den dske ord. var hovedkjelda for den evang. kyrkjeordning i vaart land. Men jamsides med den maatte dei gl. norske krrettar framleides gjelda som kyrkjeleg rettskjelda.

Daa CIII vart teken til konge i Noreg, lova han i ei kunngjering (1536) aa halda nordm. ved "sancte Olavs konings lov", og han stadfesta høgtidleg denne lovnaden ved hyllingi i 1548. Men St. O. lov umfata ogso krretten, og norske domstolar dømte framleides etter krretten og bøndene heldt seg til St. O. lov i tiendestriden. Spursmaalet var, kor mykje av krretten som skulde gjelda. Den som for aalvor tok dette spursmaalet upp var den danske superintendenten i Thm, Hans Gaas, paa si Danmarksferd i 1552. Av uttrykte uppteikningar<sup>2</sup> um hans ærend ser ein, at daa var det paatenkt aa halda eit møte av superintendentar til aa umarbeide kristenretten, og det stod daa til kongen aa avgjera kor mykje som skulde haldast av krretten.

CIIIs interesse var ikkje so stor, at noko vart gjort ved saki den gongen. Men ogso spursmaalet um ein revisjon av den verdslege lovbok trengte paa, og daa kongen i 1557 gav dei høgaste lensherrarne og lagmennerne i Noreg paalegg um aa gaa igang med dett<sup>t</sup>/arbeid<sup>3</sup>, vart det naturlegt, at ogso kyrkelovi atter kom paa tale. I Danmark tok Frederik II i sine fyrste regjeringsaar upp arbeidet med ein revisjon av den danske kyrkjeordinansen og paala biskoparne i Danmark aa gaa igang med det. Eit latinsk utkast vart utarbeid i 1561 og er enno til, men av ein eller annan grunn vart det ikkje godkjent av kongen.<sup>4</sup>

I 1558 vitja Hans Gaas atter Danmark for aa gjeva CIII til kjenne "hvor ille Koniglig ordinantze, hans naadis segil ok brev, blev... av hans naadis egne tjenere foraktet"<sup>5</sup> og bera fram kravet um at arbeidet med ein norsk ordinans no maatte bli sett igang og lagt i henderne paa "dennem som ved landsens beleilighed"<sup>6</sup> Men heller

ikkje den gangen vart det noko av; Hans Gaas fekk ikkje kongen i tale, han laag sjuk og døydde snart etter. Noregsparagrafen i den danske KO vart ikkje innfridd av ref.kongen, og heller ikkje hans son og etterfylgjer Fr. II kom til aa gjera det. Og det enndaa det "var ringe giort"<sup>7</sup> dvs. vilde ikkje ha kosta mykje umak, aa tillempa den danske ord. etter norske tilhøve.

Grunnen til at kongen soleis forsømte kyrkjeordningi i Noreg, torde vera mangel paa kjenskap til norske tilhøve. Korkje CIII eller FII hadde set meir av vaart land enn Viki og hadde visseleg ingen klar fyrestelling um kva for ein umaateleg skilnad der var millom Danmark og Noreg i natur og levevilkaar og hadde ingen sans for den norske samfundstradisjon.

Ein dansk kyrkjeembetsmann som Hans Gaas fekk ved sjølvsyn ei heilt onnor røyntsla. "Der findes i Trundheims stift", skreiv han, "mere end 60 mile eller agesøes som folk bor, preste og kirker holdes, og saaes ikke der én skjeppe korn; og sommesteds end saaes under fjeldene, og forderves kornet av frost og kuld, saa at almuen nødes til av sult stundom at æde barkebrød. Der vil ikke gjerne prester være, uden de kan faa anden underholdning av tiende, av vilde skovdjur, naar bonden maa (dvs. kunde faa lov til aa) skjude dem. Hen over alt Tronhjems stift findes intet av kalve, lam, gjæs, ikke kan heller presten hente korntiende i kjerne som i Danmark. Somme haver vel 7 eller 10 ugesøes til deris prest over store fjorde; naar de skulle hente prest til deris sjuge folk ok andre sognebud; tage de smaa baade at det og ofte sker, at baade prest og folk bliver borte".<sup>8</sup>

Men dei praktiske krav let seg ikkje tilbakevisa og medan nordmennerne faafengt venta paa, at kongen skulde ta saki i si hand, framkom der ei rekkje kyrkjerettslege privatarbeid med det formaal aa nyttiggjera lovstoffet i dei norske kristenretterne, - dels umsetjingar, dels kompilationar, dels utdrag.<sup>9</sup>

Fyrst framkom ei umsett samarbeiding av Gulatings nyare kristenrett og Jons kristenrett utført i 1551 av Laurens Hansson paa Skoge paa Sotra (i Sunds prgd. i Nordhordland), som fyrr hadde vore skrivar i Fr. Is kancelli og døydde som lagmann i Stavanger, kjent som den fyrste umsetjaren av dei norske kongesogorne.<sup>10</sup> Dette opus har L. H. sjølv skrive inn i ei lovbok som tilhørde superintendenten Geble Pedersson i Bergen, og er utan tvil utført etter hans bestilling. Dei reint katolske delar av krretten, som no var avlegs, har han utelate.

Eit anna større arbeid utførde Hans Gaas sjølv, nemleg ei full-

stendig, uavkorta umsetjing av Jons kristenrett. Daa han kom til Noreg, fekk han ofte høyra tale um, at der var ein gamall kristenrett, som presteskapet i Noreg skulde retta seg etter, til kongen fekk gjort ein ny norsk ordinans etter sin lovnad i den danske KO.

~~HG skaffa seg eit expl. av Jkr. til laans for aa sjaa kva han~~  
inneheldt. "Daa var han udskreven paa gammel norske maal, saa jeg kunde paa den tid ikke læse med ret forstand 2 linjer av henne". Bpen bad fleire lærde menner um aa "udsette samme Christenret paa danske, eller paa det maal som nu forstandligt er og her i riget menlig bruges". Men ingen vilde gjera det, og daa der ikkje fyrr fanst nokor dansk umsetjing av Jons krr., tok Hans Gaas seg sjølv til aa gjera arbeidet. Hertil hadde han hjelp av lektor Anders paa Trondenes, - ein mann som ellers er ukjent i historia, men etter lektortitelen aa døma kann han ha vore ein tidlegare dominikanermunk i Trondheim, for der var lektorar ved klostret like til ref.

Hans Gaas fann, som han segjer, "meget ugudeligt" i den gamle krrerten, men ogsa "mange nyttelige ting i blandt, som behov gjøris og skal ved magt holdis, om klerkeriet skal intet fordervis og nødis at overgive deris gjeld og kirker", - serleg siktar han daa til økonomiske fyresegner, som um, tiende av fisk, salt, tjøra, kvalspekk, og til fyresegner av praktisk art.

Hans Gaas's umsetjing av Jons kristenrett som fyrelaag ved midten av 1550 aari<sup>11</sup>, imøtekom ein verkeleg trong, for den levande kjennskapen til gamalnorsken tok til aa kverva meir og meir, og umsetjingi vart utbreidd i ymse avskrifter, men naadde fram til utgjeving i prenten fyrst 200 aar seinare.<sup>12</sup>

Av andre kyrkjerettslege arbeid av same slag er å nemna ei umsetjing paa dansk-norsk blandingsmaal av Borgartings nyare kristenrett, frf. 1566 av Jacobus Matthias Agricola - ein elles ukjend mann.<sup>13</sup>

Men ikkje noko av desse arbeid skapte ny rett. Det var saki aat den lovgjevande mynja. I tidi etter 1539 vart det utferda ei rekkja einskilde lov fyresegner um kyrkjelege tilhøve, anten i recessar og rettebøter fra overordna kongeleg embetsmenner eller kongelege kommissærar, eller av kongen sjølv i forordningar og opne brev og missiv.<sup>14</sup>

NOTER TIL KAP. XI. 8. Ingen norsk kyrkjeordinans.

1. = 1935 Ingen norsk kyrkjeordinans s. 1.

---

2. Thott 1272 fol.
3. NR II, 207-8.
4. Gl. kgl. Saml. 3182.40. Utdrag i Khs 2 IV, 225-31, jfr. Khs 3 IV, 469-77.
5. D Mag. VI, 327.
6. DN XII nr. 666.
7. D Mag. VI, 315.
8. D Mag. VI, 313-5.
9. KO 1604, 197.
10. 1924 5/4 11<sup>15</sup>-12. 1 tilh.
11. Storm i US. 1879.14, 47. Eg har i NKO 1604, s. 197 sett "1559 eller før" - det maa vera bygt paa at eg har datert avskrifti i GKS 1156fol. til 1559 (s. 209), men dette er nok feil for 1589. NB. Hans Gaas nemner i fortalen at hans kapellan paa Trondenes (kven?) "i Aar" drukna.
12. H. Paus; Gl.n. Love II.5, 109-60, Kbh. 1751.
13. NgL IV, 160-82; jfr. elles NKO 1604, 197-8.
14. Sjaa opprekningi i NKO 1604, s. 209f, note 3 til s. 198.

## 10. Utreinsking av den katolske surdeig.

Kor langt presteskapet i den fyrste tid etter reformasjonen hev gaatt i kampen mot den katolske folkereligiøsitetten, og kva midlar dei nytta, er lite eller inkje kjent.<sup>1</sup>

I den protestantiske tradisjonen fraa 16-1700tali heiter det um dei fyrste evangeliske prestane i sume prestegjeld, at dei braut ned og kasta ut og brente upp helgenbilæte og votivgaavor i kyrkjerne.

Um den fyrste evangeliske presten i Jølster, Kristofer Johannessen, heiter det, at han var ein nidkjær mann; som let brenna upp alle helgenbilæti i hovudkyrkja paa Aalhus, "og bleve disse beregnede til nogle Hestelæs". Etter segni skal denne presten vera blitt drepen alt i 1538, daa han var paa vegen i soknebod.<sup>2</sup>

I Lødingen i Salten sagdest det um Peder Munch, at han "var den sidste catholske Præst her, antog Luthers Lære, beholdt saaledes Kaldet, og nedbrøt Billederne i Lødingen Kirke".<sup>3</sup>

Tradisjonar som desse synest lite sætande, dei lét seg ikkje stadfesta av andre kjeldor, ikke eingong namnet aat prestane er elles kjent.

Meir kann det vera i det som vart fortalt i 1626 fraa Fana nær Bergen. Krosskyrkja i Fana var ein gamall valferssatd; den store sylvkrossen vart "søgt af Lamme, Halte, og mange syge Folk, som igjen naar de bleve helbredede, betænkte det med anseelige Gaver." Sylvkrossen vart -som fyrr fortalt- teken burt straks ved reformasjonen av lensherren paa Bergenhus. Og eindel aar etter lét presten i Fana "opbrænde 6 Læs Krykker og Stave, som helbredede halte Menesker havde kastet fra sig".<sup>4</sup> Det segjest vera hr. Peder Simonsson som gjorde dette i 1546; men anten er namnet paa presten eller aarstalet misteke, - helst aarstalet, for hr. Peder er truande til det, han hørde til den nye presteslekt var opplært i Bergens katedralskule og hadde studert i Kjøpenhamn 1548-52, og vart sokneprest i Fana 1557.<sup>5</sup>

Etter alt aa døma er det likt til, at den demonstrative kamp mot minne og tradisjonar fraa katolisimen, og serlig bilætstormen, fyrst høyrer yngre generasjonar til.

Snarare synest superintendentar og prestar i den fyrste tid etter reformasjonen aa ha gaatt varsamt fram, for ikkje aa eggja upp aalugen. Som fyrr fortalt, var det dei kongelege lensherrane, som var dei mest hardhendte reformatorane, dei truga med bøter og straff. Og mester Geble Pedersson gjekk i forbøn hos lensherren

paa Bergenhus for sogningane, som heldt laurdagshelg (1544). -<sup>6</sup>  
 Ein skulle tru, at naar Jon Guttormsson i Stavanger fekk avskil  
 fraa bispeembetet i 1551, so var ein av grunnana den, at han ikkje  
 energisk nok hadde fremja evangeliseringsarbeidet i bispedømet sitt.  
 Det ser ogso ut til, at katolsk kyrkjeskikk hev halde seg lengere i  
 Stavanger bispedøme enn i nokon annan del av landet.<sup>7</sup>

I sitt fyrste stadium gjekk den reformatoriske gjerning i Noreg  
 ut paa aa føra den nye kyrkjeordningen ut i livet etter lovi.<sup>8</sup>  
 Det galdt aa umskipa gudstenesta, aa setja skularne paa fote, aa  
 leggja ned katolske institutsjonar, aa ordna økonomiske og adminis-  
 trative spursmaal.

Dei inngrep som dei fyrste reformatorane i vaart land - lensherrar  
 og superintendentar - gjorde i gamall kyrkjeskipnad og -skikk, var  
 slike, som var naudsynlege for aa gjennomføra kyrkjeordinansen, skaffa  
 lydnad for den, og halda den nye kyrkjeorden uppe.

Naar den evangeliske gudstenesta skulde vera den einaste lovlege,  
 med høgnessa for folket um sundagen som normaltype, var det ikke  
 lenger rom for private sjølemessor eller serlege votivmessor, desse  
 Winkelnessen, som Luther kalla dei, fordi dei fyrst og fremst vart  
 haldne ved sidealtarar og i smaakapell, maatte falla burt. Det  
 vara heller ikkje lenge, innan andre spesifikt katolske tenestor  
 ogso var nedlagt, soleis alt i 1540 tenesta ved krossen paa Ænes i  
 Kvindherrad i Hardanger, etter Geble Pederssons skipnad.<sup>9</sup>

Naar folket tok til aa forstaa kva for umskifte som var gaatt  
 fyre seg og dei vakna og kravde aa faa att katolske prestar, som  
 kunde halda messa for deim paa gamall vis, - som i indre Hardanger  
 1553 -, daa møtte den kongelege lensherren paa Bergenhus dette med  
 ovstrengt straffe-trugsmål, fredløysa.

Aa halda katolske heilagdagar var sidan 1544 straffbar gjerning,-  
 lensherren paa Bergenhus sette stor pengebot for det. Serleg var  
 dette forbodet retta mot laurdagshelgi til jomfru Marias æra, og  
 for den vart pengeboti samtykt paa det almenne lagtinget for Bergens  
 og Stavanger bispedøme.<sup>10</sup>

Ein folkeleg freistnad paa aa atteruppliva helgendyrking og  
 laurdagshelg i Oslo bispedøme vart slaatt ned med rettargang og  
 dødsdom til kjættarbaalet, 1556.

Dei gamle gilde, med sine religiøse skikkar fraa katolsk tid,  
 kunde ikkje bli staaande med Guds ord og kongens ordinans. I 1544  
 var dei nedlagde i Bergens bispedøme av lensherren og superintenden-  
 ten,<sup>11</sup> og etter dette fyredøme gav kongen i 1551 paalegg til lens-

herren og superintendenten over Trondheims bispedøme um aa gjera det same der.<sup>12</sup>

Kva der er gjort ut over dette i dei fyrste 30 aar etter kyrkjeordinansen, veit me lite eller inkje um her fraa Noreg. Desse hardhendte raadgjerdar vert tekne for aa oppfylla lovi. Men kva biskopar og prestar hev funne paakravt eller rett aa gjera i si pastorale verksemd, - um dei i si forkynning eller ved ytre inngrep hev teke upp nokon direkte kamp mot katolsk tru og skikk eller mot helgenbilæti, um det saknar me mærmare kunnskap.

Ein ny periode i stoda aat den evangeliske kyrkja i Noreg til arven fraa den katolske tid tek til i 1568, det er likesom ref. byrjar paa nytt - ein aktiv aggressiv og polemisk periode, som set seg til maal aa gjennomføra det evangeliske prinsipp i stort som i smaatt, etter Guds ord som lov og rettesnor.

Tilstøyten kom utanfraa. I 1567 sendte kong Frederik II tri danske kommissærar, "fuldmægtige forordnede", til Noreg, med ei liknande oppgaaava som Christian III's tvo kommissærar i 1539; nemleg aa høyra saker og klagemaal og skaffa kvar mann rett etter Noregs lov,<sup>13</sup> - og i det heile "at besee oc forfare Landsens leylihed, Oc at skicke alle ting til rette vdi alle Statter"<sup>14</sup>, baade verdsleg og kyrkjeleg.

Kommissærarane, tri danske riksraad, vitja Oslo,<sup>15</sup> Skien,<sup>16</sup> Bergen og Trondheim. Den fremste millom dei - og den som greip inn i det kyrkjelege - var riddaren Jørgen Lykke til Overgaard, ein rik og mektig herremann, faafeng, energisk og myndig, umsynslaus mot prestar.<sup>17</sup> I sine yngre aar, paa 1530 - talet, hadde Jørgen Lykke vore i tenesta hjaa kong Frans I av Frankrike, og ved eit møte kongen hadde i 1538 i Nizza med pave Paulus III, viste Jørgen Lykke sitt protestantiske huglag ved aa nekta aa kyssa den heilage fager paa foten.<sup>18</sup> Um Jørgen Lykke, som var ein høgt tiltrudd kongstenar, stadig nytta i store ærend i innland og utland, hev havt nokon uttrykkeleg kongeleg ordre vedrørende selege kyrkjelege spursmaal, eller um han gjorde det han tok seg fyre i dei stykke etter eigen hug, er ukjent, - me kjenner ikkje instruksjonane for sendemännerne. Mogleg var det overlata til deim sjølve aa nytta den kongelege fullmakt etter eige skyn.

Nyleg var i Trondheim St. Olavs minne heidra av høg og laag paa ein serleg iaugefallande maate. Under sjuaarskrigen, daa svenskane drog seg tilbake fraa Trondheims by vaaren 1564, tok dei med seg St. Olavs kista, som dei plundra for dei sista smaa sylvnaglâne, og



og grov ho ned i ei øyde "bondekyrkja"<sup>19</sup> i Stjørdal nær Steinviksholm slott, Fløan i Skatval. Men daa nordmennerne same sumaren gjorde seg til herrar i Trøndelag, tok dei St. Olavs lekam upp att og førte det tilbake til Trondheim, og gravsette det i domkyrkja "udi en muret graff", med stor "proces" og "herlighed": "ald klerkeriet met den adel oc øffuerster som der vaare da tilstede, met det menige krigsfolck oc gandske hob, følgede det til begrafuelsen". Men alt aaret etter, i 1565,<sup>20</sup> vart St. Olavs lekam "atter igen optagen", med samtykke av den kongelege befalingsmannen over Trondheims len Herulf Skave til Eskilstrup.<sup>21</sup> Der vart arbeidt ei ny kostbar utskorkista til helgenen, og i den la dei St. Olavs lekam, som enno var heilt og uskadt, og - heiter det i ei nordtysk segn um denne skrinlegging - "ei mengd bønder kasta gull og sylv der-i, Gud og helgenen til æra"<sup>22</sup>

Denne hending gjorde St. Olavs minne paanytt levande og for dei tankar som daa rørte seg i norske hjarto, gjev den evangeliske slottspresten paa Bergenhus, A.P. eit kraftigt og bergtakande uttrykk i si bok um Noregs rike, skrivt i 1567:

"Fremdeles er det icke det minste ornamnet, som Norge er med begaffuit, at S: Oluff konges legome findis end paa denne dag ved Domkirken helt og huldit, som haver der legit og ligger vforkrenckit vdi fem hundrit oc xxxvij aar. ... Jeg regner det iblant Norges ornamenta besynderligen derforre, at vdi andre kongeriger haffuer oc vel verit hellige konger oc førster, ligeruis som vdi Danemarck S: Knud, j Suerrige S: Erick, oc andre steder, dog huerchen lesz mand, heller hører at sige aff, att deris kongers legomer er saadan ære vederfarit som vor Norgis konge S: Oluff, huilcket vden al thuil er der for skeet, at Gud baade vil dermed giffue tilkenne, at S: Oluffs sag, lerdom, bekendelse, krig haver verit ret, oc at Gud vil opuecke hannom til det euige liff, oc giffue hannom den vforngelig ærens krone, oc det giffuer Gud tilkende vdi hans legome, saa at ligeruis som Gud bevarer legomet uforkrenckt, saa vil hand oc beuare siēte<sup>n</sup> uforkrenckit, oc lade dennem komme sammen oc bliffue vdødelig. Sancte Oluff maa vel regnis blant de konger, som haffue hafft Gud oc hans ord kiert, som oc lod christne landet oc komme det vnder god skick, hand lod beskrive Graagaasen som er en streng oc aluorlig loug, ... han førde krig ij rigit oc vden, Gud hiemsøgte hannom med kors oc modgang, som altid pleier at vere hos dennom, som ville handtheffue religionen". Mester Absalon saag eit Guds under i dette at St. Olavs "hellige legome" hadde halde seg

uforandra i so mange hundrad aar: "huoraf mand lere skal, at endog vgdelige mennisker bespotte saadanne vnderlige Guds gerninger, oc bruge tyranniske handel mod saadan en hellig konges legome, daa er Gud ligevel saa mechtig, at han kand forsuare det vforkrenckit, saa vel vdi iorden som offuen paa iorden."

Mester Absolons djupe ven<sup>e</sup>rasjon for St. Olavs nasjonale og kyrkjeleg minne og hans religiøse pietet for St. Olavs lekam er ikkje forsaaelig utan som arv fraa den katolske dyrking av den heilage kongen. Men for dansk politikk likesom for protestantisk reformasjon maatte St. Olavs helgedom vera ein støytstein og hans kultus ein faare. Difor skjede det - som Peder Claussøn fortel - at "anno 1568 hafuer her Jørgen Lycke Ridder, som den Tid drog her op i Riget, efter Kongens Befaling ladet skiude Jord i Grafuen til S. Oluffs Lijg".<sup>23</sup>

Ingen veit no meir, kvar denne grav var. I vaare granneland hviler enno helgenkongane i sine skrin, St. Erik i Uppsala, St. Knud i Odense. Men i Nidaros hev reformasjonen for alltid utsletta minnet um St. Olavs jordiske leivningar.

Og i røyndi hadde alt den protestantiske kritikk over den papiske villfaring ogso hos ein mann som mester Absolon, undergrave den gamle vyrnaden for helgenkongen, - tilliti til hans forbøn var burte, og otten for Guds straff komen istaden, men ogso trui paa Guds hjelp aaleine.

Difor bør ein, som bakgrunn for det som skjede i Trondheim i 1568, minnst kva mester Absolon vidare hadde skrive aaret fyrr i samband med dei fyrr citerte ord um St. Olav. Historia lærer, segjer han, at kvart femte hundrad aar skjer det gjerne nokor forandring baade i store og smaa samfund. Soleis maatte det vel og skje med St. Olavs lekam for etter at det hadde staatt ovan jordi i 500 aar, vart det gravlagt (nemleg av svenskane): "Kand oc ske, at Gud ville giffue sin vredis exempel til kiende, saavel emod det døde legome som mod templit, som haffuer verit misbrugit til stor affguderi, gud til forhaanelse oc menniskan til fordømmelse oc de afdøde helgen til vanære", Nidaros-domen hev brent fleire ganger, likesom Salomos tempel vart nedbrote av den romerske keisaren. "der er intet opbygt med menniskelig hender, at det kand oc med menniskens hender nederbrydis. Fordi alle menniskers gerninger ere dødelig; thi skal ingen fordriste sig paa menneskelig mact, vern, styrcke, templer, slot, feste oc andre saadanne befestinge, men paa Gudz naadis hielp, oc paa en god sag og samvittighed, oc lide der hoss huad Gud for sin

euige visdom vi oss paa legge".<sup>24</sup>

Denne same tankegangen, at alle jordiske og menneskelege midlar er utan verdi for den rette og samme gudsyrdking, fekk sitt skarpaste og so aa segja programmatisk uttrykk i kampen mot bilæti i kyrkjorne, som no vart opna i vaart land.

Det var Jørgen Lykke som for aalvor tok saki upp.

Sovel i Bergen og Bergens stift som annanstad i riket fann han "end da vdi Kirckerne offuermaade mange aff de Affguders billeder, som vaare indførde vdi den Christne Kiercke, synderlig i Paffuedømit, af Dieffuelen oc Menniskens Blindhed, som ere intet andet end nogle Leffninger af det gamle Affguderies Redskab, fattige wlærde oc simpel Folck til forargelse"<sup>25</sup>. Jørgen Lykke, som dette "behagede ilde", lasta superintendenten i Bergen dr. Jens Skielderup for at han so lenge hadde tolt det, "efterdi det vaar imod Gud oc hans hellige Ord". Han meinte at biskopen anten ikkje hadde den rette meining um slike "Billedstytter" som han burde, eller at han var mindre flitug enn han skulde i det stykke av sitt embete.<sup>26</sup>

Jørgen Lykke hadde kyrkjelovi paa si sida. Ordinansen fyreskreiv, at slike bilæte som "den vanvitte almoe" gjorde lovnader til og dyrka, og som der var stort tillaup til langveges ifraa "med stor avguderi", dei skulde takast burt.<sup>27</sup> Dei danske biskopsynodane 1545 og 1555 skjerpte og utvida forbodet mot bilætedyrking.<sup>28</sup> "Prestene skulle flittelige predicke imod alle billeders misbrug, at de motte først tagis aff folckis hierte, oc saa med lempe af kierckevergerne vdryddis, besynderlig huor nogen knefald eller anden affguderi findis endnu der til at skie" (1555). I kyrkjorne skal der vera berre ein altar, med sine lovlege prydnader, likesom der berre skal vera ein nattverd og kommunion.

Dr. Jens Skielderup hadde alt i si fyrste bispetid teke bilæt-spursmaalet upp med Bergens byraad, men maate finna seg i aa lata saki liggja, daa han møtte avgjort motstand hjaa raadet. - Biskopen vart no "megit glad" ved aa finna studnad hjaa den mektige Jørgen Lykke, han overleverte honom di skriftlege "bekiendelse" um bilæte, og lova at han "vilde med tid oc lempe gjøre det yderskte... at saadan Værstyggelighed kund bort komme af Herrens hus".<sup>29</sup>

For biskop Skielderup - som for hans samtid - vart kampen mot bilæti i kyrkja ein motstand mot "avguderi og vildfarelse", ein strid som maatte gjennomførast til siste konsekvensæ fordi det store formaalet var aa "forfremme Guds ære oc Menniskens Salighed".<sup>30</sup> Difor hadde baade han og hans meiningsfrendar so vanskeleg for aa

slaa av det minste paa sitt prinsipp, dei var uimottakelege for den tanke, som Luther hadde havt sans for, at bilæti kunde ha kunstnarleg og uppbyggeleg verdi utan aa vera religiøst faarlege.

Paa synoden for Bergens stift i domkyrkja 22. juni 1569, der biskopen og 27 prestar var samla, vart det fyrste steg gjort med tvo vedtak, det eine um votivgaavor, det andre um helgenbilæte; "Adskillige figurer, gjorde aff vox, oc henge likevell ennw i kirckerne, skulle borttagis". "Alle billeder, vden de po høgalterit, skulle saa sagte borttagis".<sup>31</sup>

Dinæst tok biskopen upp bilætspursmaalet i sine preikor, og søkte dermed aa fyrebu det næste steg.<sup>32</sup> Daa han etter halvtanna aars tid tok det, gjekk han djervt lenger enn synoden i 1569: Den 28. desember 1570 skriv m. Absolon Pedersson i si dagbok: "Var billederne nedtagne aff høgalter vdj Domkircken aff scholemester efter bispens befaling, di nogle gamle quinner oc kerlinger tilbad dennom"<sup>33</sup> Fem bilæte vart nedtekne, tvo stod igjen.

Biskopen gjorde dette heilt av eigi mynja, utan aa spyrja byraadet um samtykke.<sup>34</sup> Raadet sendte 8. januar 1571 ein trimanns deputasjon til biskopen, for aa segja at slikt hadde han ingen rett til. Men Jens Skielderup, som hadde eit kolerisk temperament, svara "nogit vredachteligen", og meinte at ordføraren "hafde icke hoffuid til det skafft, at hand kunde gjøre honnom nogit der faare."

Biskopen sendte tvo prestar til raadet med det svar, at bilæti ikkje vilde bli sett upp att, og at ogso dei som enno var tilbake, maatte burt; han vilde skriftleg gjeva raadet si meining um bilæti til kjenne med grunnar, og skaut seg under Guds ord og kongen. Raadet var ubøygjelig og svara samrøystes (9. januar) med aa nekta aa søkja domkyrkja fyrr biskopen fekk gjort like eins med alle andre kyrkior, bilæte og altalar i Bergen. Kyrkjestreiken vart straks iverksett. Næste sundag heldt raadet og mesteparten av borgarane seg burte fraa domkyrkja, likeins ved den fylgjande virkedagstenesta.<sup>35</sup> Biskopen meinte aa ha oppfylt si embetsplikt etter den Heilage Skrift og kongens vilje og hevda at raadet gjorde urett i aa freista aa hindra honom fraa aa reinska ut desse "leivningar av avgudsdyrking og ovtru".<sup>36</sup> Likevel vaaga han ikkje aa taka upp ein kompetansestrid med raadet, men drog seg tilbake paa det standpunkt, at naar han hadde teke burt bilæti paa domkyrkja, daa var grunnen den, "at det var ham forebragt, at en del af menigheden forargede sig derover, item at det lod saameget katholsk, ja, at endnu en og anden gammel kjærting gjorde sin devotion

for dem ligesom før reformationen".<sup>37</sup> -

Biskopen fekk daa lensherren paa Bergenhus Mats Skeel til aa mekla. Raadet gjorde den fornuftige innvending mot framgangsmaaten aat biskopen, at den viktigaste oppgaaava for lærarane i kyrkja maatte ver<sup>a</sup>,/gjenom undervisning og overtyding aa skapa ei "hjertens forandring" hos dei som enndaa hekk ved si gamle tru. "Thi dersom bispen tænkede at udrydde overtro hos disse gamle kjærlinger ved at borttage saadanne arkitekturniske sirater af Kirken, da greb han sagen an paa den urette fod, efterdi der altid kunde findes lejlighed udenfor kirken at øve saadant, som stride imod den evangeliske lære, og at saadant var ikkun falske grunne udi kristendommen, saalænge som hjertene vare uforandrede". Raadet heldt difor paa, at biskopen skulde "restituere kirken igjen enten de samme borttagne eller andre arkitekturniske sirater, for elles ottast dei at han ein annan gong kunde gaa enndaa vidare og "afklæde kirken indvendig til de blotte mure."<sup>38</sup>

Det lukkast likevel Mats Skeel aa overtala raadet til aa forlika seg med biskopen. Fredag 19. januar møtte raadet og borgarane atter i kyrkja, <sup>39</sup> Mats Skeel innbaud biskopen og magistraten til seg til gjest, "hvor de til tegn paa forligelse og forstaaelse rakte hinanden hænderne"<sup>41</sup> Og sundag 21. januar preika biskopen, umtala det som var hendt, nemnde orsaki til det, og naudsyni for det sam var gjort, og las upp si "utgreiding um aa taka burt avgudsbilæti".<sup>41</sup>

Denne "Confessio de idolis tollendis" ligg utan tvil til grunn for ei liti bok, som dr. Jens Skielderup let prenta i Kjøbenhavn aaret etter, i 1572. Boki er<sup>s</sup>krivi 1571, han citerar ei bok av Nils Hemmings-søn, trykt 1569, som han segjer er utgjevi for 2 aar siden. Ho hev titelen: "En Christelig Underuisning aff den hellige Scrifft, om huad en Christen skal holde, om Affgudiske Billeder ~~om~~ Støtter vdi Kirckerne", og er tileigna Jørgen Lykke.<sup>42</sup>

Boki er den fyrste trykte læreskrift av ein kyrkjemann i Noreg etter reformasjonen, og hev ogso av den grunn ein serleg interesse. I form av ein samtale millom ein bonde og ein prest framsteller forfattaren dei tvo motsette standpunkt, det villfarande folkelege og det rette kyrkjelege, og vil dermed undervisa baade prestar og aalmugesmenn um kva dei bør meina og tru um "saadanne affdøde Helligens billeder".

Bonden er talsmannen for det gamle. Han spør um det er rett aa taka burt helgenbilæti som hev staatt i so lang tid og vore i stor akt og æra. Han meiner, "der er ilde at forkomme saadanne herlige Billeder, som haffuer kaastet saa meget", "de ere daog en deilig prydelse vdi kircken", "de gjøre huerken ondt eller gaat", "her er

ingen saa uforstandig, at hand giør Knæfald for dennem eller tilbeder dennem", jeg haffuer mit Hierte oc Tancher til Gud, oc icke til Billederne"; "Billeder ere vlærde oc Simpel folckis Bøger, som Gregorius siger"; "den ære som mand giør Billeder, den giør mand icke Billederne, men dennem effter huilcke Billederne ere gjorde".

Presten svarar, at bilæti er innført i den kristne kyrkja av djevelen, som er opphavsmannen til alt avguderi, og ved blindskapen aat menneskjerne som hev vike av fraa Guds heilage ord. Guds ord skal vera vaar einaste rettleiding til sæla, ikkje menneskjeleg fornuft. Baade i det gamle og det nye testament er bilæte strengt forbodne. Hadde vaare forfedrar havt Bibelen umsett paa sitt eige maal, daa hadde dei ikkje tilsteda, at Herrens hus og serleg Jesu Christi bord, altaren, hadde vorte so "besmittet" med avgudsbilæte.

Og di gildare bilæti er aa sjaa til, di skadelegare er dei. "Dieffuelen er en Dieffuel, endog hand kand skabe sig til liusens Engel, som Scrifften siger. En Hore bliffuer en Hore, endog hun smykker sig herlige, oc io diss snarere kand hun bedrage sin Bolere, oc faa sin Hore løn". Men bilæti er i røyndi berre daude trestokkar og steinar, og ikkje anna enn "optenkt gierning". Pg sjølv um ein ikkje tilbed bilæti paa altaren, so staa dei der i vegen for ei rett gudsyndring. " All min Læsning, min Lærdom, min Sang oc min Bøn - segjer presten - , item mit Knæfald oc alt det her handlis paa oc hoss dette Altare, det hører Christum alene til/Oc dog aligeuel haffuer ieg her paa Christi egit bord, for mine Øyne, nogle Dieffuels Affguders stocke staaendis/ Gud giffue de vaare allesammen brende i Aske",

Bonden minner um, korleis Luther irettesette Karlstadt og bilætestormarane i Wittenberg. Han medgjev, at bilæte er forbodne i Mose-lovi, men i det Nye Testamente kann han ikkje finna noko bilæteforbod, ja i den gamle pakt let Gud sjølv gjera kerubar og andre bilæte til sitt tempel. Hev bilæti vore misbrugt i kyrkja, so hev det same vore tilfelle under pavedømet med altar og preikestol, kalk og disk, og likevel hev de enno alle desse ting og gjer ein god bruk av deim. Han retter fleire spursmaal til presten, m.a. dette: um bilætlege framstellinar av Gud og Christus ogso skal vera forbodne.

Presten møter bonden med aa visa til barnelærdomen i katekisma; den lærer ingen ting um bilæte, og det fyrste av Guds bodord forbyd "at haffue fremmede Guder eller nogen lignelse i Himmelen eller paa Jorden".<sup>43</sup> Han forkaster kategorisk bilæte av Gud Fader, - det einaste

bilæte han kann tenkja seg paa altaren, er eit krusifiks.-  
 Hans prinsipp er dette:"at io færre Billeder der ere, io renere er der den rette oc sande Religion".<sup>44</sup> Til spursmaalet, um kein daa slett ikkje skal hava nokon prydnad i kyrkjorne, svarar presten:"En Christen Menighed, som hører Guds rene oc salige Ord, som bruger de høyerverdige Sacramenter, som troer oc bekiender Jesum Christum alene at vere deris Saliggjørere, oc hannem paakalder oc loffuer, er det icke den beste pryddelse? Men vil Folckit io have nogen bepryddelse i deris Kircker, ydermere end som nu sagt er, da kand mand lade male herlige Sententzer aff den hellige Scrifft. Icke laster ieg heller sandrue Historier som malis til en Ihukommelse, om saa er, at det kommer icke til vanbrug."

I bilætspursmaalet slutta biskop Skielderup seg til Danmarks største teolog i daatidi, professor Nils Hemmingssøn, og citerte hans ord um den sak.<sup>45</sup> Nils Hemmingssøn var ein absolutt motstandar av helgenbilæte, men "historiske Malninger oc Lignelser, hoss huilcke er ingen vrang mening" kann tolast; paa altaren kann setjast maala bilæte fraa Christi lidings historie som i Wittenberg, og elles kann ein i kyrkja hava eit krusifiks "til it Tegn om Christi Seyeruinding".

Til slutt rettleider biskop Skielderup prestane i kampen mot bilæti. Dei skal ofte lesa upp for kyrkjelyden or Bibelboki dei ord som handlar um avgudsbilæte, og paaminna sovel øvrigheiti som Kyrkje-umbodsmennerne um aa taka burt bilæti fraa kyrkjorne. Og um det ikkje lukkast presten aa overttyda folket, daa "hand kand, efter Guds Ords lydelse och Øffrighedens vilie, saa hemmelige borttage oc forkomme saadanne Affguders stytter, met den største Lempe, som hand kand".<sup>46</sup>

Den puritanske uvilje mot bilæte i kyrkjorne, som biskop Skielderup gjorde seg til talsmann for, var meir reformert enn luthersk. Den wittenbergske filippisme, som Nils Hemmingssøn sympatiserte med, kalla til kalvinismen. Naar Skjelderup utnytta bilæteforbodet i det Gamle Testamente - som jo der var vendt imot dei heidne avgudsbilæti - imot helgenbilæti i den kristne kyrkja, daa var slikt meir i Zwinglis og Calvins enn i Luthers aand. Det er difor karakteristisk, at naar Skielderup viser til katekisma i bilætsstriden, daa citerar han det fyrste bodord ikkje i Luthers korte form, men i ei lengre, som ogso inneheldt bilæteforbodet i den bibelske dekalogen (Ex.20.4, Deut. 5.8), paa same maate som tifelle gjerne var i dei reformerte katekismer.

Bilætsstriden i Noreg er, naar alt kjem til alt, eit utslag av eit

kalviniserande straumdrag, som gjorde seg sterkt gjeldande paa fleire maatar i den danske og norske kyrkja i Frederik II's tid. Striden verkar til, at Bibelen meir enn fyrr ver oppfata som lov og lærebok.

Bilåtstriden vart ikkje avgrensa til Bergens bispedøme, han vart samtidig teken upp ogso i andre landsluter. Alt um sumaren 1568 mottok prestane i Oslo Hamar bispedøme eit hyrdebrev fraa biskop Frants Berg, med paalegg m.a. um aa reinse bilæti ut or Kyrkjorne "vaare",<sup>47</sup> - Kanskje skjede ogso dette etter tilskunding av Jørgen Lykke, som nyst hadde tare paa dei kantar.<sup>48</sup>

Frants Bergs medhjelpar og ettermann m. Jens Nilssøn fylgde den same lina. Daa han visiterte i Vardal 1576 "vart avgudsbilæti i denne kyrkja tekne burt og øydelagt."<sup>49</sup>

Ved visitas i Nelsing kyrkja i Baahuslen 1594 paala han presten "at vdtage hues billeder som der vaar."<sup>50</sup> Paa visitas i Aåtfold 1597 fekk biskopen vita, at der i Ingedal, annekskyrkja til Skjeberg, fang fleire bilæte, "til hvilke mange endnu søge hen och bede"; han sendte straks brev til presten um aa "lade samme billede och knobber bliffue affskaffet medt dett allerførste", so framt han ikkje vilde høyra ille for det.<sup>51</sup>

Fraa Stavanger bispedøme vert det fortalt ei merkeleg segn um presten hr. Erik Jensson i Nes i Hallingdal, fraa 1570-aari. "Han skal have været en nidkjær Mand, og meget ivrig sat sig imod den pavelige Lærdom, som da havde indtaget alles Hjerter. Da han engang kom til Flaa Annex Sogn for at forrette Gudstjenesten, kom han i Erfaring om 2de Helgene, hvis Billeder man især med stor Devotion tilbad, og holdt meget hellige. Han opsøgte derpaa saa mange (Helgenbilleder) som kunde findes, og, i Almuens Paasyn, stod paa Kirkegaarden, som ligger ret paa Kanten af Elvebredden, kastede dem alle i Vandet, og bebreidede dem derhos deres forfængelige Tillid til deres falske Afguder. Quinderne toge sig især nær deres Helgenes bedrøvelige Endeligt... og med Taarer i Øjnene raabte: Du har taget vore Guder bort."<sup>52</sup>

Ei liknande segn er fortalt um hr. Peder Claussøn Friis i Audnedal (1566-1614); han skal ha teke alle helgenbilæte ut or kyrkja og kasta dei i Audnedalselvi, for at dei skulde driva til havs med straumen; ein bonde fra garden Syrdal som laag ute paa fjorden og fiska, fann eit av desse bilæti drivande paa vatnet, ennda eit - som det segjest - "var av gull"; han tok det heim og dyrka det, i løyndom, til presten fekk vita det og straffa honom for det. (Segni er uppskrivi i kalls-



boki av prost Jens Saxe, + 1812, og er av Storm haldi for mindre paaliteg avdi Perder Claussøn vert kalla den 1ste presten i Audnedal etter ref.; men segni er truleg nok, etter den aand som raadde paa Stavanger synoden 1573)<sup>53</sup>

Lettast gjekk det aa utrydja helgenbilæti paa sidealtarane, og sidan kom daa turen til aa bryta desse altarane ned, etter den regel, at der skulde vera berre ein altar i kvar kyrkja. Sogodt som i alle kyrkjur i landet er dette skjet. Men i Trondenes kyrkja i Nord-Noreg staar enno i vaare dagar dei tvo sidealtarane i koren med sine helgenbilæte. I dei fleste tilfelle er visstnok sidealtarane og deira billedprydnað tekne burt alt i reformasjonshundraaaret. I ei kyrkja i Baahuslen, Førsele i Frekne, stod det i 1590 aari enno tvo smaa steinaltarar med skruv over, eit paa kvar sida av kordøri, men biskop Jens Nilssøn baud presten aa taka dei burt.<sup>54</sup>

Men um helgenbilæti paa høgalteren var meiningane visseleg delt baade blandt prestane og serleg blandt folket. Difor vart ikkje den katolske altarprydnaðen øydelagt i alle kyrkjur. Ikke eingong i sin eigen stiftstad Bergen lukkast det biskop Skielderup aa faa bilætforbodet gjennomført. I Mariakyrkja, som tyskarane sokna til, vart den katolske altartavla staaande paa høgaltaren, og staar der den dag idag, med eit stort bilæte av Maria i midten og mange helgenfigurar ikring.

Men under Skjelderups ettermann m. Anders Foss var bilætspursmålet teke upp att. Stiftsynoden i Bergen 1584 forbaud kyrkjeumbodsmennerne aa kaupa "belgiske maalingar og andre slike ting" til kyrkjerne.<sup>55</sup> Og stiftsynoden i Bergen i 1589 gjorde eit nytt, viktig vedtak um altarprydnaðen. Bilættavlor, som enno stod paa altaren eller Herrens bord, skulde lempeligt takast burt. Men paa høgaltaren kunde prestane til prydnad setja upp innskrift-tavlor med katekismeordi, og inkje anna. Desse bokstav-tavlone skulde vera ihopsett av eit fast midtstykke og tvo venger paa hengslor, og der vart dei fem katekismepartane fordelt soleis at trui kom i midten, daap og nattverd paa innsida av vengerne, bodordi paa utsida av vengerne, og fadervaar paa baksida av midtstykket. I byane skulde teksti vera paa latin, av umsyn til framande, i landskyrkjur paa dansk. Slike tavlor vart innført i mange kyrkjur, ikke berre i Bergens bispedøme, men ogsa i andre landsluter; t+d+ i Loppa i Finmark fanst dei i alle tri kyrkjur.<sup>56</sup>

Den genreasjon av biskopar og prestar som førte bilåtstriden, la seg ikkje mindre etter aa reinska ut andre leivningar etter katolismen, mest daa i kyrkjeskikkane.<sup>57</sup> Paa fleire stiftssynodar vart det gjort vedtak um slike saker, fyrst og fremst i Stavanger 1573, avdi dette bispedøme laag lengst etter i evangeliseringi, men ogso i Bergen 1569, 1584, 1589. Og likeins la nidkjære biskopar som Frants Berg og Jens Nilssøn i Oslo seg ut um aa motarbeida katolske seder. Ogso denne kamp tok til 1568<sup>58</sup>. Her skal gjevast ei oversyn over dei katolske ceremoniane som lenge hekk i, og som den evangeliske kyrkja søkte aa utrydja i siste mannsalderen av reformasjonshundraaret. Oversyni byggjar paa dei opplysningar som fyreligg fraa synoden i Stavanger 1573, og er utfyllt med drag fraa andre luter av landet, mest fraa den fylgjande tid.

Det var visseleg ikkje berre folket, som heldt fast ved dei gamle og kjære kyrkjeskikkar fraa fedrane, - ogso mange prestar maa ha vore konservative i det stykke. Fyrst og frest<sup>III</sup> var det daapsritualet som lenge heldt fast ved sin katolske karakter.

Den fyrste delen av ritualet, den akt, som i gamletidskyrkja kallast scrutinia,<sup>59</sup> vart - som i den katolske tid - utført framanfyre kyrkjedøri, og fyrst naar sjølve daapsakten skulde byrja, vart barnet bore inn i kyrkja, til fonten, som framleides, etter gamall skikk, stod ved inngangen. Ved exorcismen vart nytta ikkje berre krossteiknet, men ogso "skjermeslag", - truleg ein ceremoni til vern mot vonde makter.<sup>60</sup>

Naar barnet skulde døypast, vart det sumestader framleides blotta paa heile kroppen, baade sumar og vinter, andre stader nakne dei berre hovudet.<sup>61</sup> Fyreskrifterne var ulike. Luthers døypebok, umsett av Palladius 1538, fyreskreiv neddukking, ordinansen 1539 overausing.<sup>62</sup>

Naar presten las daapsordi over barnet, kom fadderane fram og la handi paa barnet, for dei meinte dei elles ikkje hadde gjort si plikt som fadderar.<sup>63</sup>

Presten gav barnet salt i munnen, - det gkjede etter det gamle ritualet ved exorsismen og var symbol paa visdomen. Han gav barnet ljøs i handi, som fyrr i tidi, til avslutning paa daapsakten, - eit minne um den brennande lampa hjaa den som vaker og held seg reide til Herren kjem.<sup>64</sup>

Etter daapen bar fadderane barnet fraa fonten upp i koren til altaren og framstelte det der med visse ceremoniar, og ofra.<sup>65</sup> Denne ceremonien kalla dei "wederlest" - eit elles ukjent ord, som vel heng samen med aa lesa.<sup>66</sup>

Ved daapen var det bruklegt aa "patses",<sup>67</sup> d.e. aa helsa hverandre med fredskyss eller fredsynskje, - ogso det ein gamall skikk.

Den gamle katolske læra, at fadderskap ved daapen medførte "aandleg frendskap", heldt aalmugen framleides fast ved og rekna den for ei ekteskapshindring.<sup>68</sup>

Naa barsel kvinnorne vart innleide i kyrkja ei tid etter barnefødselen, var katolske skikkar enno i bruk.<sup>69</sup>

Sumestader fall dei paa kne i kyrkjedøri, - sumestader fekk dei ljøs i hand, naar dei vart innleide.<sup>70</sup> Den sistnemnde skikken var forboden i Danmark alt i 1540.<sup>71</sup>

Naar dei kom inn i kyrkja søkte dei ikkje straks sin stol og sette seg, men heldt seg den dagen ved ein av dei gamle sidealtarane, som enndaa stod i mange kyrkior.<sup>72</sup>

Um barselkvinna døydde fyre sin kyrkjegang, tok ei onnor kvinna klædi hennar paa seg og let seg leida i kyrkja i hennar stad;<sup>73</sup> den avlidne vart dermed atter ført inn i kristne menneskjørg samfund.

Ved nattverdsakramentet, som reformatorane hadde lagt vinn paa aa framstella i sin reinaste skapnad, møter me atter gamle skikkar,

Alt i 1544 var det, under pengebotstraff, forbode i Bergens stift aa tenda meir enn tvo ljøs paa altaren.<sup>74</sup> Det eine ljøset skulde brenna til heider og vyrdnad for Christi lekam, det andre for hans blod. Men enndaa i 1580 aari var det naudsynlegt aa innskjerpa regelen um 2 ljøs.<sup>75</sup>

Ved konsekrasjonen av nattverdelementi godkjente ordinansen den gamle elevasjons-ceremonien.<sup>76</sup> Men dei evangeliske biskopane i Danmark saag helst at denne gamle skikken fall burt,<sup>77</sup> og paa Stavanger-synoden 1573 vart han forboden.<sup>78</sup>

Ordinansen gav ogso lov til aa "tingre med klokken" under elevasjonen. Men synoden i Bergen 1584 forbaud klokking ved nattverd-sakrament-ordi, og i Skjeberg 1597 let biskopen messeklukka i koret taka ned.<sup>79</sup> - Andre stader klemta og ringde dei med kyrkje-klokkorne under sjølve utdelingi av nattverden; denne skikken avskaffa Stavangersynoden 1573.<sup>80</sup>

Transubstanstiasjonstanken var framleides levande og gav seg uttrykk i gamle ceremoniar. Tvo kyrkjeombosmenner heldt eit handklæde framanfyre nattverd-gjesten medan han tok imot det heilage, forat ikkje noko skulde spillast. - Var det ikkje vigt nok aat alle nattverd-gjestene, vigde presten paa ny ved aa lesa nattverd-ordi uppatt.<sup>81</sup> Slike falske meiningar og skikkar skulde no burt,

Born fekk enno gaa til altars, etter den gamle katolske kyrkjeskikk som sette aldersgrensa til 7 aar. Stavangersynoden fyreskreiv 12 aars alder.<sup>82</sup>

Det liturgiske fredsynskje ved nattverden, "messekyss"<sup>83</sup>, maatte ikke lenger brukast (Bergen 1584)<sup>84</sup>.

Paasketid vart framleides, som i millomalderen, av allmugen rekna for den rette altargangstid. Men dei evangeliske prestane skulde formana folket til aa søkja Herrens bord ogsaa fleire tider um aaret.<sup>85</sup>

Ekteskaps-stiftingi fall, som fyrr, i tvo akter, - trulovingi, og sidan brudevigsla.

Trulovingi vart, etter gamall skikk, haldi framanfyre kyrkjedøri.<sup>86</sup>

Brudevigsla oppfata folket paa same vis som i den katolske tid, som ei messa,<sup>87</sup> og det var vanlegt at dei daa vilde kommunisera, soleis som gamall skikk hadde vore. Heretter skulde altargangen aat brudfolket skje sundagen fyre brudlaupsdagen.<sup>88</sup>

Ved jordferd var dei fraa katolsk tid vande med at det vart halde sjælemesse, requiem-messa.<sup>89</sup> den nye kyrkjeskikk var denne mesta heilt avteki.<sup>89</sup> Men tanken paa samband millom den avlidne og kyrkjetenesta fremkallte - eller heldt liv i - den skikken, at dei ringte for lik den tid presten stod fyre altaren eller paa preikestolen.<sup>90</sup>

Ved sjølve gudstenesta i kyrkja var det elles lite av serlege gamle skikkar, som dei evangeliske kyrkjemenn fann grunn til aa skrida inn imot. Skifting av lekamsstilling under høgmessa vart haldi uppe, ho førte liv med seg og gav uttrykk for andakt og vyrdnad, og vart med tida nærmare regulert, serleg av synoden i Bergen 1584.<sup>91</sup> Staaande stilling vart fyreskrivi ved upplesing av epistel og evangelium og under all salmesong, men knefall ved alle bønner. Knepfall ved 2dre og fylgjande vers av Credo-salmen vart avteke,<sup>92</sup> - det var ein katolsk reminiscens.

Høgmessa var bygt paa det tradisjonelle skjema og heldt uppe mange av dei gamalkjente formerne. Difor fann folket seg veit tilrette med høgmessa. Ogso i den kyrkjelege festcyklus var

ogso ymse serdrag i kyrkjeaaret. Enno i 1570-80-aari byrja Jole-dagen framleides med Kristusmessa i otta.<sup>93</sup> Og bønedarne vart i vaart landt haldne paa same tid som fyrr; etter 5te sundag etter paaske og etter Mikkelsmessa.<sup>94</sup>

Men sjølv um dei fleste helgendagane var tekne ut av det evangeliske kyrkjeaaret, vart dei ikkje gløynde korkje av folket eller av prestane. Bønderne heldt seg fraa arbeid paa dei gamle helgendagane gjennom heile reformasjonshundraaaret, trass i forbod fraa øvrigheiti<sup>95</sup>, og prestane kunngjorde dagane stadig fraa preikestolane.<sup>96</sup> Synoden i Bergen 1584 søkte aa stansa eller avgrensa denne kunngjering, og paala prestane aa formana folket til aa fly slikt helgedagskald som hovudputa aat djevelen.

For kyrkjemessedagen - aars-minnedagen um kyrkjevigsla - var der ingen plass i den evangeliske festkalenderen. Kyrkjemessa, eller kyrmessa, var den store bygdehelgi og bønderne heldt fast paa ho med stor seigleik. Kyrmessedagen gjorde allmugen gjestebod med stor kostnad; gjestebodet gjekk paa umgang millom bønderne. Der var prestar som framleides heldt gudstenesta i kyrkja den dagen,<sup>97</sup> og det gjorde sitt til, at kyrmessa enndaa hadde sin gamle religiøse karakter. I sume fjellbygder ytte bønderne ogso avgifter til kyrkja, ost og mjøl, ved kyrmessa.<sup>98</sup> Men biskopar og synodar motarbeidde energisk kyrmessorne, - bl. a. forbod Stavangersynoden 1573 prestane aa halda kyrkjetenesta um kyrmessedagen og aa vera med i kyrmessegitdet.<sup>99</sup> Og paa sine visitasreisor i Numedal og Telemark i 1590-aari søkte biskop Jens Nilsson aa faa kyrmessegitdi avlagt i bygd etter bygd (Flesberg, Rollag, Vinje, Laardal, Fyresdal, Solum).

Naar kyrkja drog seg tilbake og folket vart aaleine um aa halda kyrmessehelg, sovelsom andre avlagde helgedagar, er det ikkje underlegt, at festen meir og meir forvillast i drykk og raaskap. Talande i all sin stuttleik er ein kalendernotis fraa reformasjonsaarhundraaaret i ei gamall lovbok; "kiørmesse po Gierpen er nu afflagd met fleire pinep messe dager".<sup>100</sup>

Gjestebodskikane var i stor mun katolske lenge etter reforma-sjonen. Bønderne heldt gravøl - sjaund og erve - etter gamall vis. I gravøli hadde dei ein merkeleg religiøs skikk, nemleg "sjælebad", udi hvilke folk de bader sig (og) læser for de døde".<sup>101</sup>

Enno umlag 1580 drakk dei i gravøl og brudlaup minnedrykkjer som dei signa til dei tri personar i guddommen: Gud faders skaal, Guds søns og den Helligaands".<sup>102</sup>

Den katolske kyrkja hadde i sine sakramentalia - d.v.s. heilage handlingar med velsignande kraft - eit middel til vern mot alt vondt og i all faare, til hjelp mot sjukdom og alle plaagor. Presten las i Guds namn heilage velsigningsord over salt og vatn, over drykk og føda, over ekteseng og heim, aaker og eng, folk og fe, smør og ost, fiskegarn og skip, han kunde laga lækjemidlar og han vigde dei. Desse benediksjonane var folk glade i, og trudde paa deira kraft. Der var ovtru i dette, men der var ogso religiøs trong og kjensla. Korkje folk eller prestar kunde straks ved reformasjonen sleppa trui paa benediksjonane, og enno i 1570-aari var det Guds-ords-tenarar, som vigde midlar for augnesjuka og anna.<sup>103</sup>

Bang<sup>104</sup> segjer det var altarin dei nytta til dette bruk, men Faye<sup>105</sup> som er heimelsmannen hans, hev mistydt kjelda og lese vin istf. wie. - Stavangersynoden 1573 gjorde sovore vedtak: "Sammeledis er i denne forsamling strengelig forbudet og afflagd, at nogen gudsordstienere skal wie for wforstandige folk, at brugis til øyen eller anden saadan misbrug, som aff de pawelige troldfolck skeed er". - I den katolske tid vart det salt, eller stundom vatn, dei vigde for augneverk,<sup>106</sup> aldri altervin. Eller der vart nytta latinske velsigningsformlar, der det er talt um, korleis Tobias fekk att syni, eller korleis Jesus heilbrigda dei blinde.

Men grensa millom benediksjonar og trylleformlar var i millom-alderen flytande. Ogso prestane hadde tiltru til magiske trolldomsord og raader og nytta dei jamngodt med dei heilage ordi. Eit vitnemaal um kor langt dei kunde vaaga seg ut paa dette faarlege unraade, er ei handskrift fra umlag 1520, som er funni i Vinje kyrkja i Telemark og som har tilhørt presten der.<sup>107</sup> Ho inneheldt elleve reint religiøse Mariabøner paa vers, men ogso uppskrifter paa ein halvhundrad lekjemidlar og signe-kunster for vondt baade paa folk og fe.

Etter reformasjonen tapte dei eigenlege benediksjonane sin religiøse rang og karakter.<sup>108</sup> Naar kyrkja slutta aa bruka deim og slepte taket i velsigningsformularne, vart dei snart dregne ned paa lina med dei magiske formlane, og dei sokk ned fraa velsigning til signing og signeri. Alt saman vart no til svarte kunster. Dei siste leivningane av dei kyrkjelege benediksjonane vart uppteke i Svarteboki, - ei samling av magiske formlar som kom i bruk i Noreg umlag 1600, etter danske kjeldor. Den kunst å løysa og binda overnaturlege makter, gode og vonde, med Guds ord og heilage teikn, fann soleis vegen fraa kyrkja ned i folket. Og kva veg denne lærdomen vandra, kann me forstaa av eit lite drag som er uppteikna fraa Oslo bispedøme i 1594<sup>109</sup>; i ei bygd i Viki vart det fortalt biskopen, at ei ung kvinna, som kunde signa, hadde lært denne kunst av klokkaren. Og klokkaren, som halvvegs høyrde til det lærde standet, hadde saktens sin visdom fraa ein eller annan prest.

I tradisjonen stod framleides presten som fagmannen paa umraadet, og den talen gjekk, at han hadde lært kunsti paa skulen i Wittenberg, og at han hadde Svarteboki. Og i løyndom hev nok prestane lenge halde fast ved trui paa makti i dei gamle heilage ordi: fraa Tinn i øvre Telemerk skriv det seg eit par blad fraa 2dre hevti av 1500-talet, med ein lang religiøs signe-formular, som ein latinkunnig mann sendte til ein prest.<sup>110</sup>

Symbolet i all kyrkjeleg velsigning var krossmerket, og allmugen hadde lært aa nytta det i alle slag livsens tilhøve, til helging og vern. Ogso den evangeliske kyrkja brukte krossteiknet, - ved eksorsismen fyre daapen, ved morgonbøn og kveldsbøn etter Luthers katekisma, - og krusifikset kunde framleides staa paa altaren. Men tildels saag den yngre generasjon av evangeliske kyrkjemenn med mistru og uvilje paa krossmerking og krusifiksar. Krossen vart ogso brukt og rekna millom dei magiske teikn som høyrde signekunsti til, og det vart klaga til kongen fraa Noreg i 1584 og 93 over "Guds Navns store Misbrug iblandt nogle forfængelige Folk, som udi deres Sygdom søge uchristelige og udi Guds Ord forbudne Middell og lade sig skjære Kors paa deres Liv<sup>111</sup> med ugudelig Signelse, Fabel og Læsning og med andre Forfængeligheds og Trolddoms Kunster". Ved opne brev av 21. sept. 1584 og 30. juli 1593 let kongen kunngjera over alt landet, at dei som brukte eller let bruka slike midlar, - "uchristelig

Troldoms Handel" - , skulde verta straffa paa livet av kongens lensmenn.<sup>112</sup>

Valferdene til heilage stader heldt fram etter reformasjonen. Visseleg vart det rett snart sett ein stoppar for pilgrimsferderne til dei store heilagdomane, for dei kostelege relikvieskrin i katedralkyrkjorne kom burt alt i dei fyrste reformasjonsaar. Og Olavkulten i Nidaros tok ende, daa St. Olavs kista, som fyrr fortalt, vart nedgrevi 1568.

Men dei mange andre smaa lokale heilagdomane hadde framleides stort tillaup, fyrst og fremst kyrkior som aatte undergjerande helgenbilæte og krûsifåksar. Kampen mot bilæti i kyrkjorne vart ført ikkje minst for aa koma denne valfartsreligiøsitet til livs.

I si bok um bilæte 1572 nemner biskop Jens Skielderup<sup>113</sup> fleire slike krossar som folk søkte; i Fana nær Bergen, i Opdal (i Trøndelag?), i Røldal (den tid anneks til Suldal i Ryfylke), i Austad (i Sætedal?), "oc mange andre steds her i Norge". Dei voksfigurar som hekk i kyrkjorne, og som synoden i Bergen 1569 baud aa taka ned, var votiv-gaavor til heilagdomen.

I Torsby kyrkja i Viki var det ein heilag kross, som biskop Jens Nilssøn umtalar i 1597; ved krossmessetid kom folk fraa andre bygder, ogso fraa Sverige, til Torsby og ofra barnefigurar av voks o.a. til krossen; biskopen paaminnte folket um denne "vrænge Guds-dyrkelse"<sup>114</sup> og talte med prestane og kyrkjevevorne um det, og truga med aa melde saki til lensherren paa Baahus.

Til fleire smaa avsidesliggjande kyrkior, der det sjeldan vart halde gudstenesta, veit me fraa seinare tid um valfarter paa ein viss dag i aaret, serleg Jonsoknatti.<sup>115</sup>

Eidsborg kyrkja i Laardal i Telemark, med eit bilæte av den heilage biskop Nicolaus (no i U.O.). Neslands kyrkja i Vinje i Telemark, med eit Mariabilæte, Hegglands kyrkja i Molands prestegjeld i Fyrresdal i Telemark, Vatsaas kyrkja i Sigdal, med ei Olavskjelda, Thomaskyrkja paa Filefjell, Brune kyrkja i Skodje paa Sunnmøre,

Likesom i Sigdal var det ogso i nærleiken av andre kyrkior heilage kjeldor som folk søkte til, etter reformasjonen som fyrr. I 1564 fortel biskop Jens Nilssøn um tvo slike kjeldor i Viki. Den eine, ei St. Olavs kjelda, laag ein fjerdings veg fraa Vistelands kyrkja i Hjertum prestegjeld, dit samlast folk fraa



nærliggjande bygder sovelsom fraa Sverige.<sup>116</sup> Ved Svansund, ein fjordungs veg fraa Ødsmaal kyrkja, var det ei St. Nikolai kjelda; rundt den stod det mange smaa krossar som det sat hovudhaar i.<sup>117</sup>

I seinare tid høyrer me um andre heilage kjeldor, som folk søkte til for aa faa lækjedom, og som dei ofra til: Haugs kjelda nær Trømborg kyrkja i Eidsberg paa Austfold. St. Olavs kjelda ved kapellet paa Megard i Imsdalen i Snaasa.<sup>118</sup>

Soga um benediksjonarne og um valfarterne til kyrkjor og krossar, helgenbilæte og heilage kjeldor etter reformasjonen viser, korleis den folketroen og katolske religiøsitet, overlaten til seg sjølv, litt etter litt forvillast og blandast upp med ovtru, formyrkast, og sette til dei verdiar som han kunde ha for kristenlivet.

For reformatorane tedde den gamle kyrkja seg meir og meir ettersom tidi gjekk, som ei kyrkja full av ovtru og avgudsdyrking, og serleg for den yngre generasjon av det evangeliske presteskap stod deira katolske fyremenner som "de pavelige trollfolk".<sup>119</sup> Difor saag ein mann som biskop Jørgen Erikssøn i Stavanger det som ei av sine viktigaste oppgaaever "at nedslaa og ødelegge de levninger af djævelens kirke som udi lang tid af pavernes og munkenes folk haver været i dette stift forsamlet."<sup>120</sup>

Men samtidig med utreinskingi av den katolske surdeig ved forbod mot alle slag leivningar av gamall kyrkjeskikk og mot bilæte i kyrkjorner, tok dei evangeliske kyrkjemenn ogso til aa føra ein kamp fraa preikestolane mot den katolske kyrkja og hennar læra.

Det synest som det serleg er den yngre generasjon av reformatorar i vaart land som hev kjent seg kalla til dette. Fraa den fyrste menneskealder etter ordinansen høyrer me ikkje um slikt. Den avgjerande lærestrid var utkjempa fyre den tid, utanfor Noregs grensor, i Danmark og Tyskland. Og i Noreg var det ingen tilhengjar av den gamle kyrkja som etter ref. aaret tok upp nokon strid i tale eller skrift imot det nye. Paa den andre sida synest heller ingen av det tidlegare katolske presteskap, som hadde godkjent den evangeliske kyrkjeorden, aa ha vendt seg imot den gamle læra paa aggressiv eller polemisk maate. Daa den yngre generasjon av evangeliske kyrkjemenn tok dei katolske villfaringane fyre seg i sine preikor, daa var motstandaren komen paa avstand, - i Noreg høyrde den katolske

kyrkja no fyrrtidi til, berre leivningar var tilbake i tru og skikk, og i samtidi var katolisismen trengt tilbake til dei fjernare utland. I Noreg hev difor den evangeliske polemikken mot den katolske kyrkja i reformasjonshundradaaret, slik som me lærar aa kjenna han hjaa Jens Nilssøn og Jørgen Ericssøn, karakter av ei oppgjerd millom tvo konfesjonar, etter at evangeliet hadde vunne fulllytre siger i vaart land og den nye kyrkjeorden var heilt trygda og for største delen gjennomført. Difor kan biskop Jørgen Erikssøn i 1591 uttala si glede over, at der no er "skicket Christi Kircke en rolig haffn oc stille herberge vdi disse tuende Kongeriger, Danmarck oc Norge, met de andre Land som der vnder ligger, tuert imod Sathans Rigis wold oc mact."<sup>121</sup>

Biskop Jens Skielderup i Bergen hadde i aari 1569-71 i sine preikor serleg teke fyre seg bilåtspursmaalet. Allsidigare gjekk Jørgen Erikssøn i Stavanger og Jens Nilssøn i Oslo inn paa dei katolske villfaringane.<sup>122</sup> Dei vender seg ikkje berre mot bilåt dyrkingi og den falske paakalling av helgnar,<sup>123</sup> dei kjem ogso inn paa munkelivet, valfartarne, sjælemessorne, avlaten, fasta, og heile den katolske sakramentkultus, ja ogso det latinske kyrkjemaalet. Dei kritiserar kravet um opprekning av alle einskilde synder i skriftemaalet,<sup>124</sup> tek fatt paa læra um dei tri stykke i pønitenzen: anger, syndsvedkjening og fyllestgjerung, og i det heile den katolske gjerningsheilagleiken, som "en forgiftig ting".<sup>125</sup> Med serleg styrke vitnar Jens Nilssøn um trui som midtpunktet i kristenlivet, i motsetnad til mangelen paa frelsevissa hos papistarne, som "lærer at de skal altid tvile Guds naade og barmhjertighed", "tvile paa syndernes forladelse".<sup>126</sup>

Desse predikantar kjenner ei stor glede over aav vera utfria fraa "den forblindede pavedom", "antikristens vildfarelser". Guds reine og salige ord, som no vert forkynnt, er ingen ny lærdom, men den gamle og rette lærdom som er komen tilbake og hev fortrengt den falske lærdomen aat paven og munkane - "menneskens digt og paafund".<sup>127</sup>

NOTER TIL KAP. XI, 10: Utreinsking av den katolske surdeig.

1. 1940, 3/10 10.15 - 11. 5 tilh.
2. D. Thrap, Bergenske Kirkeforhold, s. 3, etter spr. Ole Hanning + 1763. Bang, Geistl. s. 216, etter mskr. i Univ.Bibl.
3. Erlandsen, Tromsø Stifts Geistl., s. 102. E. viser til "Fyens Maanedsskrift. Almeennyttige Samlinger, for August 1795, hvor der findes en Fortegnelse over Præstene her."
4. Suhms Saml. II 3, 39.
5. Bang, Geistl. 194.
6. s. 2937-38
7. NB. synoden 1573
8. 1935 25/1 9.15-10. 12 tilh.
9. M. Schnabel, Hardanger, 1781, bilag D.
10. Chr. III. II, 379.
11. Chr. III. II, 381.
12. DN XII nr. 646.
13. J. Lykkes recess 1568, innl.
14. J. Skielderup, En Christelig Vndervisning, 1572, f. Aij<sup>V</sup>.
15. N.Hist. T. 3 II, 149.
16. Søfren Søfrenssøns Memorialbog s. 3.
17. DBL X, 514-16.
18. ib, 513.
19. Abs. Ped.
20. Aarstalet i den nordtyske segni N. Hist. T, I, 145-8.
21. Absolon Ped.
22. P. Cl. Friis, Saml. Skr, 353-54, N. Mag. I, 143. Abs.Pederssøn, i Hist. top. Skr. 38, N. Hist. T. I, 141-44, Norvegia Sacra II, 1922, 11-13.
23. s. 354.
24. s. 39.
25. J. Skielderup, En Christelig Vnderuisning, 1572, bl. Aij<sup>V</sup>.
26. A iij<sup>V</sup>.
27. DK1 I, 80.
28. DK1 I, 250-1. 461-472,
29. A iij<sup>r-v</sup>.
30. A iij<sup>r</sup>
31. N. Mag. I, 357, 358. = N. Saml. I, 59-60.
32. N. Mag. I, 395.

33. N. Mag. I, 391. 392.
34. 1935 25/1, 10.15 - 11 12 tilh.
35. N. Mag. I, 396.
36. N. Mag. I, 395-6.
37. N. Mag. III, 269.
38. N. Mag. III, 269-70.
39. N. Mag. I, 397.
40. N. Mag. III, 270.
41. N. Mag. I, 397.
42. Ny utg. ved Fredrik B. Wallem, Chra. 1905.
43. jfr. 2. Mos. 20, 4. 5. Mos. 5,8.
44. ( Cvj<sup>V</sup>)
45. Commentarii in epistolas Johannis, Wittenberg 1569.
46. D iij<sup>V</sup>.
47. Søfren Søfrenssøns Memorialbog s. 3.
48. ib. : i Skien i februar.
49. Hist, T. IV, 495.
50. JNV 117.
51. JNV 551.
52. Topogr. Journal IX. 31, 189-90.
53. P. Cl. Saml. Skr. pag. XXXXVII f.; Faye, Folkesagn, 1. utg. s. 199 (ikkje 149); Daae, Bygdesagn II (ikkje III), 115.
54. JNV 151-52. 502.
55. N. Mag. II, 95.
56. A.V. Heffermehl, Geistlige Møder, s. 90.
57. 1940 3/10 11.15 - 12. 6 tilh.
58. sjaa Frants Bergs hyrdebrev, Søfren Søfr. Mem, s. 3.
59. Thalhofer II, 510. SDP 547, P. Pall. D. Skr. I, 105; Dernest skal Presten lede Barnet til Daaben,
60. JNV CIX
61. SDP 547, jfr. P.Pall. D. Skr. I, 104: tager hand barnet og dipper det i daaben,
62. DK1 I, 68. De skulle blotis oc saa iij sinde offuer øses med vand,
63. SDP 547-8
64. SDP 548
65. SDP 548, jfr. Man. Ups, 23.
66. SDP 548. Faye, Theol. T. II 247 (Bang R232) skriv "vederlop", som Bang foklaarar: løben op mod alteret.
67. SDP 548; patziis. Thalhofes I, 649.
68. SDP 548

69. 1935 1/2 9.15 - 10. 12 tilh,
70. JNV CXI. SDP 548.
71. DK1 I, 158.
72. SDP 548.
73. SDP 549.
74. Chr. III, II, 380. jfr. DK1 I, 56. 346.
75. JNV CX. N. Mag. II, 97.
76. DK1 I, 58. 156. II, 13-14-
77. ibid. 254.
78. SDP 549.
79. N. Mag. II, 97. JNV 485
80. SDP 549
81. SDP 549
82. SDP 550.
83. Bang R 66 n.1 hev ei onnor forklaring som vel ikkje er rett.
84. N. Mag, II, 95.
85. SDP 549.
86. Paus II, 345.
87. SDP 550.
88. jfr. Thalhofer I, 552, Hartmann, Repert, 578.
89. DK1 I, 85-6
90. N. Mag. I, 357, synodalstatutt Bergen 1569: Ingen prest skal tilstede, at der skal ringes for liig, naar presten gjør tjeneste for alterit heller i i predigestolen.
91. D 733-4. N. Mag. II, 96.
92. JNV CXI. N. Mag. II, 96.
93. JNV CX.
94. SDP 552. JNV CX:
95. Chr. III, II, 379, Søfr, 3. SDP 558.
96. N. Mag, II, 95.
97. SDP 551. jfr. BAng R 215.
98. JNV. Søfr. 3. SDP 551. N. Mag. II, 95. JNV 360,363,375,380, 384, 429.
99. SDP 551-2
100. NgL IV, 653
101. JNV 375. 380. 384. SDP 551.
102. JNV CXII
103. SDP 550
104. Udsigt 270. Ref. 239. 374.
105. Theol. T. II, 250.

106. Franz, Benediktionen II, 484 - 98. F. Ohrt, Danmarks Trylleformler I nr. 327-32.
107. Theol. T. 3, II, 539 - 48. Bang, Hexeform. hskr. S.
108. 1935 1/2 10.15 - 11. 11 tilh.
109. JNV 200.
110. Bang, Hexef. p. IV - VI.
111. jfr. Bang, R 269; 1584.
112. II, 571 f. NR III, 302.
113. ( C vj<sup>V</sup>)
114. JNV 516-17.
115. Bang R 370-371.
116. JNV 160
117. JNV 164-5.
118. L. Daae, N. Bygdesagn I<sup>2</sup>, 25.
119. SDP 550.
120. Bang, R 268, etter Præd. over Profeten Jonas, fortalen.
121. Jonæ Prophetis siøne Historia, 1592, fortalen, dat. 1591 f. B<sup>V</sup>.
122. Bang R 314-17. JN Pr. Brandrud 111 ff.
123. JN Pr. 117.
124. JN 347
125. JN Pr. 433.
126. JN Pr. 147. 98.
127. Bang, R 316-17. Brandrud .112.

Synder og gode seder.

Det som kallte dei fyrste norske reformatorene til kamp, var mindre den kristelige læra enn det kristelige livet.<sup>1</sup> Lærespørsmålet var avgjort ved Kgl. Majestæts ordinans, og ein merker ikkje større til at det upptok dei fyrste norske superintendentane, - det var heller, som fyrr fortalt, det praktiske kyrkjeliv med sine ordningar og skikkar dei tok fatt paa. Derifraa vart dei natu<sup>n</sup>leg ført til aa kjempa mot synder og ulivnad og til aa fremja gode seder og eit gudfryktig folkeliv.

Det fyrste tiltaket i den leid vart gjort - som fyrr umtalt - ved aa avskaffa gildi, etter ordinansen, - i Bergens bispedøme ved retterbot 1544<sup>2</sup>, i Trondheims bispedøme ved kongebrev 1552.<sup>3</sup>

Motiveringi for denne reformatoriske aatgjerd er nettopp av etisk art: "den store misbrug og Gudsfortørnelse her til dags verit haver i de uchristelige gildis drikker som haver verit ein orsage ok udspring til megit uchristeligt levnit ok ophav til mange synder, saa at hver mand maa vel nu merke det, at saadanne drikker ikke kunne bestaa med Guds ord". Den moralske nidkjærleik hev sitt religiøse motstykke i otten for Guds vrede - eit saare karakteristisk moment i den nye evangeliske kristendomen - og i vyrdnaden for Guds ord som den høgaste norm for livet. Slike misbruk maa stillast, heiter det, "at Gud skal ikke ydermere fortørnis, os til ein almindelig straf, efterdi vi nu saa klarlig have Guds ord, hvilkit saadan ugudelighed ikke lide kan".

Det er ein verkeleg kamp imot ovlivnad i mat og drykk som hermed vert innleidt. Kampen vert ført vidare i Bergen ved ei rettebot av kyrkjeforsåret og lagtinget og borgerskapet i 1552 um "de svare umaadelige og utilbørlige festerøl, barsøl, bryllupper og gjestebud, som gjøres her i denne by". Motiveringi er atter "den store Guds fortørnelse og synd, og sammeledes den ubodelige uforvendelige skade og fordærv", som slikt framkaller. Det vart difor forbode aa halda "festerøl" ved truloving, og ved brudlaup maatte der ikkje bjodast til gjestebod um laurdagen, men brudlaupet skulde byrja um sundagen med brudeferd til kyrkja, brudeparet skal atter gaa i kyrkja til aftansong og høyra Guds ord, og gjestebødet maa slutta i timeleg tid um kvelden; brudlaupet faar ikkje vara meir enn 2 dagar, der vert fyreskrive eit mestetal av gjester og rettar svarande til folks

stand og stilling. - Dei same reglane gjeld barsel.<sup>4</sup>

Det moralske livet i Bergen - Noregs største handelsstad - var i reformasjonstidi skjemt av stygge synder og laster. Det var ein aarhundradgamall arv, og smittekjelda var den mektige tyske handels - og handverkar - kolonien paa Brygga.

Den fyrste som tok til orde mot tyskarane i Bergen var ingen ringare enn kong Sverre. I ein stor tale paa tinget i Bergen<sup>5</sup> 1186 takka han engelskmenerne og folk fraa dei norske utbygdane for, at dei førte gode og nyttuge varor til landet, men han lasta med harme og skarpe ord tyskarane, fordi dei førte ut smør og skreid or Noreg til landsenes skade og istaden førte inn vin, som baade kongsmenner, bymenner og kjøpmenner gav seg til aa kjøpa og drikka over maal og maate. Sverre skildrar i den namngjetne talen sin - den fyrste avhaldstalen i vaar historie - dei laake fylgjer av drykken, korleis han veld skade baade paa eignedom, helsa og forstand og eggjer til uvyrdi og urettferdig framferd og til sedlaus atferd med kvinner. Men verst er det, segjer kongen, at drykken tyner sjæli og gjer at ein vanrøker all rett sedskap og alle rette bodord og tår etter synder og gløymer den allmektige Gud og allt det som rett er, og ikkje hugar etter noko av det ein hev gjort.

Verre vart det, da tyskarane i 2dre helvti av 1200talet sette seg fast i Bergen og slutta seg saman i ein sterk og sjølvraadig organisasjon, som ikkje lydde under norsk øvrigheit, men under hanseatisk lov.

DET var tyskarane forbode i deira egne lover aa gifta seg medan dei var i Noreg,<sup>6</sup> og det vart det vanlege at dei tok seg frillor eller søkte samkvem med lause kvinner som slo seg ned serleg i Øvregata like innpaa den tyske bydelen, - eller dei la seg etter heiderlege folks konor og döttrar. Frillelivnaden og sedløysa millom tyskarane i Bergen skapte ein moralsk urein atmosfære, som forpesta heile byen og førte uord og vanfrægd over landet. Nidkjære biskopar som preikebroderen Jakob (I) Jensson (1372-1401) freista aa setja ei demning for syndi med aa kunngjera i alle kyrkjer at horkarar og deira frillor vilde bli nekta altar sakramentet um dei ikkje betra livnaden sin innan 3 vikor.<sup>7</sup>

I hundrad aar fyre reformasjonen var det skikk, at ugifte



kvinnor ofra ljøs eller pengar til domkyrkja<sup>k/</sup> for aa faa sakramentet i livet eller i dødstundi. Men daa so mange av dei ugifte kvinnor i Bergen den tid var skjøkor, og prestane ikkje gjorde skilnad paa dei som gav offeret, tok den fyrste reformatoriske forkynning i Bergen fatt paa dette og framstelte det som at Christi fortienesta vart selt for horeløn.

Drukkenskapen og sedløysa var dei tvo store grunnsynder i Bergen,<sup>8</sup> og saman med deim ovra det seg allslags raaskap med slagsmaal og valdsferd i samkvem, og urettferd og falsdom i handel og vandel hørde til dagsens orden.

Under dei politiske umveltingane paa 1500talet vaks modet og sjølvkjensla hjaa tyskarane i Bergen,<sup>9</sup> dei vilde raada seg sjølve meir enn godt var, og kjende seg so mektuge, at dei torde fara aat som dei vilde. Dei hadde eingong i det 15de hdr. drepe Bergens biskop fyre høgaltaren i Munkeliv klosterkyrkja og sett eld paa klosteret som brente ned. Og paa reformasjonstidi hendte det atter og atter, at dei sette seg upp imot landsens lov og rett og nekta den kongelege hovedsmannen lydnad.

Daa reformasjonen og danskeveldet var innført, og den aandelege og politiske kampen var avløyst av ro i kyrkja og stat, vart ogso striden med tyskarane for aalvor uppteken, - fyrst i 1540-aari av den evangeliske kyrkja, og dinæst paa 1550-talet av den verdslege makt. Resultatet av denne striden gav baade moralsk og nasjonal vinning.

I sin biografi av superintendenten Geble Pedersson fortel hans forsterson mester Absolon Pedersson soleis:<sup>10</sup> "Der Mr. Geble fornam den store Tryghed i adskillige Synder og Laster uden Bluferdighed, han saa den uudsigelige Slemmen og Demmen, Drukkenskab og Fylderi, den ukristelige Had og Vrede, Misgunst og Manddrab, som gik i svang, den ublue og umenneskelige Løstagtighed og Ukyskhed, som i Byen og mest paa Kontoret af Garperne bedreves, og derhos at saadant enten ikke blev straffet, eller og, om det blev straffet, da ikkun paa Penger, hvoraf Øvrigheden havde sit, og derover havde Medhold Ehebrækkere, Mordere og Røvere, ligesom de vare deres Venner og Slægtninger til, eller og mest kunde give Penger: da ikke alene beklagde han saadant vemodig, men han tit og ofte skrev sa. Dr. Peder Palladium til, som var Biskop i Kjøbenhavn paa den Tid, at han

saadant for hans kongl. Maj. vilde andrage, paa det dog denne Forargelse maatte borttages og forhindres. Dr. Palladius skrev en ganske Bog derom imod Bryggen, hvilcken han forskikkede til Mr. Geble, som lod forsamle Oldermændene, Akteinerne og de tydske Prædikantene, og lod samme Bog læse for dennem paa Kjøbmandsstuen, og truede dennem, at hun skulde prentis paa adskillige Tungemaal, paa det deres Løsagtighed vide i andre Lande skulde kundgjøres, dersom de ikke vendte sig fra saadanne grove Synder. Det hjalp da saa meget, at Kjøbmændene bleve da siden ikke saa gamle paa Kontoret, som de gjorde i Pavedømmet; thi der da vare graaherdede Mænd, som levede al deres Tid i Skjørlevnet og hulde det for ingen Synd.

Ja sal. Mr. Geble formanede og de tydske Prædikantene, at de flitteligen vilde prædike Katekismum, hvilket Herr Johan (Niehaw, til Mariakirken), Herr Christopher Mitius d.e. Mitens til St. Martini og Hr. Melkior (Pillegrim) til St. Halvards flitteligen gjorde. Og på det han kunde des flitteligere optænde dem til vindskibelighed i deres Embede, gik han ideligen til deres Prædiken og havde med sig Bøger og Blæk, udi hvilke han skrev og exciperede deres Prædiken. Der de gode Mænd fornumme saadan hans Ydmyghed, Flittighed og Vindskibelighed for Guds Ære, opvakte de og til Flittighed i deres Embede, og begyndte at prædike Kathekismum med stor Hæftighed og Alvorlighed. De tydske Kjøbmænd søgte og flitteligen Prædiken, og man kunde mærke, at deres Prædiken gjorde Frugt. Hr. Johan prædikede en Dag Katekismum og strøg Oldermændene og de Akteiner ret ud, og lærte dem, hvorlunde de skulde optugte det unge Blod, som kommer og sendes hid fra Tydskland, og ikke give dem forargelige Exempler til Synd, Guds Fortørnelse og Straf, og sagde end ydermere: du Oldermænd, du Aktein est ikke værd, at du skal beklæde den Støl, du staar udi, dersom du ikke gjør dette."

Den katolske kyrkja hadde søkt aa motarbeida synder og laster serleg gjenom den kyrkjelege skrifte-disiplin og strafferett. Ogso den evangeliske kyrkja hadde disiplinære midlar til raadvelde, i ekskommunikasjonen og det offentlege skriftemaal, kongens bøter - lidl.bpar. Men det er karakteristisk for henne, at ho so sterkt tok kampen upp fraa sjølve preikestolen, med formaning, straffetale, katekismeundervisning, personleg appell til samvitet. Det vart stadig bruk for dess midlar i tidi frametter

Straffepreika, og i fylgje dermed botspreika, kom til aa ljoda baade tidt og kraftigt i vaar evangeliske kyrkja i reformasjons-hundradaaret, Palladius's skrift imot synderne paa Tyskebryggja i Bergen er ikkje <sup>iv</sup>læger til. Men i fyreordet til den danske umsetjing 1546 av si katekismeforklaaring for norske sokneprestar, er han inne paa saki.<sup>11</sup> Han uttalar der ynskjjet um "at den ugudelige skjørlevnits væsen, som er endnu i dette klare Evangelii ljuse dag paa Bryggen hos Bergen, maatte avpredikes med Guds alvorlige straf og pine", og med "idelige formanelser", - slik som han "formerker, at den gode mand mester Gebeler ok de andre Christne Predikere, tyske og danske til Bergen, flitelige have gjort," og han vonar "at de blive jo fremturende, det hjælper jo nogit, ok djevelens rige formindskes derav jo mere ok mere, saa at deres flittighed bliver ikke gjort til forgjevis".

Etter alt aa døma hev denne kyrkjelege moralkampagne vara i mange aar. Ho maa, etter Palladius's ord vera teki til alt fyre 1546, og ho hev halde fram etter 1552, for fyre den tid var ikkje Melchior Pilgrim prest ved Hallvardskyrkja. I 1555 fekk mester Geble slag og var sidan helselaus, men i hans siste leveaar vart kampen mot sedløysa milløm tyskarane ogso teken upp av den kraftige hovudsmannen paa Bergenhus, dansken Christoffer Walkendorf, som kom til Bergen i 1556. Paa faa aar lukkast det homom aa rydja upp med tyskarane baade paa den eine og andre maaten. I ei samtidig skrift, Bergens Fundats, vert det fortalt um dette:

"Det første aar, ~~han~~ annammede slottet, lod han bryde mange at de horehuse af, som stode paa Øvregaden, fordi det første aar om sommeren, han hid kom, blev der nogle slagne og myrdede, og aldrig kunde man spørge hvem det gjorde. Item naar nogen fattig karl kom udi nogen trætte med en garp, da kom der strax ud af garpegaardene 20 eller 30 mand med sten og haandspiger om een karl. Item naar nogen havde gjort der paa strædet nogen uredelig ting, som han burde at rættes for, da vare de strax neder udi samme garpegaarde; der kunde hverken byfogden eller nogen faa dennem ud. For slige og andre sager lod han dennem (horehusene) afrive, og gav samme skjøger en plads ved Sverresborg, at bygge og bo paa med deres levnet. Denne plads kalder man nu Hekkelfeldt, og kan der ingen hugges eller slaaes paa samme plads, uden at man kan staa i slotsporten og se samme

folk og hvem de ere".<sup>12</sup>

For aa hindra sedløysa og ulivnaden gav Christiffer Walkendorf ut ei rettebot<sup>13</sup>, som gjorde dei lause kvinnorna æreslause i samfundet. Ingi skjøkja maatte sitja saman med dannekvinnor i kyrkja eller brudlaup og barsel, dei maatte ikkje bera hovudplagg som hine, og fekk ikkje fylgje av skulesongkoret ved si jordeferd som andre heiderlege menneskje, og um ein huseigar hadde leigt ut husrom til lause kvinnor skulde han anten jaga deim ut eller ha forbrote huset til kongen.

Deretter tok Walkendorf upp kampen mot tyskarane, ikkje med sjølve kjøpmannskontoret, men med handverkarane, som utgjorde eit saare sjølvstendigt anneks til kontoret og hadde ein stor del av skuldi for dei lovlause tilstand som den tid raadde paa Bryggja. Lensherren kravde at dei skulde halda skikk og orden i sin bydel, slutta med den valdsferd dei hadde øvt, og ikkje gjera Bryggja til ein tilhaldsstad for mann dreparar og valds-  
menner, men leva ærleg og kristeleg; godkjenna lands lov og rett, og underkasta seg kontroll med sitt arbeid, som det var klaga over paa mange vis. Saa handverkarane fann dei vilkaar som lensherren sette, for stride, takka dei for seg, og for heim til Tyskland.<sup>14</sup> Dermed var makti aat tyskarane i Bergen knekt for alle tider. Sjølv sagt var ikkje den tyske kolonien i Bergen moralsk umskapt med dette. Men dei verste orsakerne til den umoralske tilstand var tekne burt, og sedløysa og villskapen var aga og lagt under skarp tilsyn.

Men kampen maatte først vidare og utvidast, ikkje berre paa Bryggja, men i heile Bergen var ei kraftig oppreinsking naudsynleg.

Vender me oss til landet i det heile, kann ein finna ein maalestokk for det sedlege tilstandet i 1550-60-aari i sakfalls-  
listorne i lensrekneskapane.<sup>15</sup> Etter reformasjonen uppebar kongen ikkje berre dei kongelege, men ogso dei biskopelege pengebøterne, som fall i saker etter lovi (sakfall).

I Akershus len vart det i rekneskapsaaret 1557-58 betalt brotsbøter av 553 personar, i 1560-61 av 552.<sup>16</sup> Det er rekna at, at det for kvart av desse aar er betalt sakfall av 43 domfelte for kvart 10 000 menneskje, medan det i 1846 kom berre 25 domfellelte paa kvart 10 000. Tallet paa brot i tilhøve til

folkemengdi var soleis kort etter reformasjonen langt større enn i nyare tid.

Dei tvo største grupper utgjorde dengong lekamsfornærmingar og sedskapsbrot. Me skal koma inn paa sedskapsbroti i ein annan samanheng (i art. um ekteskapet). Samlar me dei grovaste lekams-skader, knivstikk, hogg og slag og stikk med øks, sverd, stridshamar, spjot og dolk, og andre blodige saar, finn me, at i Akershus len i 1557-58 vart 143 domfelt for slike brot, i 1560-61 148, d.e. 114 personar av kvart 100 000.<sup>17</sup> Det motsvarande tal i 1846 var 182 domfelte eller berrre umlag 13 av kvart 100 000.- Skilnaden vert enndaa større, um me reknar med ogso andre slagsmaalsbrot: slag med kjepp eller staup eller hand, haardrag m.m.<sup>18</sup>

Med villskapen fylgde snøgt drap. I Akershus len viser sakfallsrekneskapane for dei nemde aari, at det hendte ein 6-7 drap kvart aar i lenet. I Bergens by melder Absolon Pederssøn i si dagbok um 24 drap i dei ti aar fraa 1560-150. Blandt drapsmannerne nemnest ein lagmann, ein fut, ein skrivarkar, unge menneskje, kvinnfolk.<sup>19</sup>

Ein stor del av dei valdsverk som her er umtala, hadde si orsak i drukkenskap. I byarne var det godt høve til aa drikka jamt og samt, - der var baade øltapp og vinkjellar-. I Bergen vanka ogso skulegutar paa slike stader og drakk seg fulle, - i 1563 hendte det, at tri slike kom upp i slagsmaal, som endte med manndrap; drapsmannen var brorson til borgermeisteren i byen, og maatte sidan bøta med livet.<sup>20</sup> (Den geistlege stand, segjer ein anonym samfundsrefsar fraa Bergen i 1584, bør ha uppsikt i alle gator i byane, at det ikkje i ølhusi vert drive frotseri og drukkenskap).

I bygderne var det helst gilde og gjestebod det vart drukke til overmaal, i gravøl, ved kyrmessa, um helgedagarne. Um bønderne ved sjøkanten kring Skien segjer Peder Claussøn, at "de maatte (kunde) vel vare saa rige som de begjerede, dersom de med deres svare umaadelige drik og gjestebud, og - som der gjerne med følger - store brødepenninge for hug og slag, mord og manddrab, hor og andre synder, som de bedrive, det selver ikke forspilde".<sup>21</sup>

Folk skjemdest ikkje ved aa koma drukne til kyrkja, ja til Guds bord. I Stavanger bispedøme, heiter det, at "vankundige folk lader sig finde i drukkenskap, trette og anden uskikkelighed,

den dag de annammer det høyverdige sakrament", - synoden i Stavanger 1573 truga slikt med kyrkjebann.<sup>22</sup> - I 1585 klaga biskop Jens Nilssøn i Oslo og Hamar til den norske herredagen over, "at der findes en stor uskikkelighed udi brøllup og gjestebud mangesteds, besønderlig paa landsbygden, udi saa maade, at de setter dennom til slemme-drik (svir) søndags natt og andre hellige dage, og kommer saa drukken udi kirken, at de ere hverken bekvemme til at høre Guds ord, eller gjøre deres bøn til Gud, eller noget godt at udrette"<sup>23</sup> Biskopen ynskete, at kongen vilde forbjoda slikt. - Det skjede ikkje, Men paa visitasreisa i Telemark 1595 freista Jens Nilssøn sjølv aa faa bønderne til aa avleggja sjaund og erve d.e.gravøl, likesovel som kyrmessorne.<sup>24</sup> Og han la elles prestane paa hjarta aa motarbeida drukkenskap um sundagen under gudstenesta,<sup>25</sup> likesom han sjølv, si sine visitastalar, lasta og straffa folket skarpt for deira "uskikkelige væsen med drukkenskap og slagsmaal og andet saadant".<sup>26</sup>

Reformasjonen hadde langt ifraa vore i stand til aa hitføre nokor forbetring i det sedelege livet, - det umvendte hadde snarare vore tilfellet. Faste og avhald var ikkje lenger forteneestfullt og gagnlegt for det religiøse liv. Den uventa frukt av den reformatoriske forkynning imot dei gode gjerningane var ein stigande vanvyrndad for sedskap og fraahald. Det er aalmennt kjent, at det protestantiske Tyskland viser biløtet av ei utruleg sedeleg forvilling i den nærmaste tide etter reformasjonen.<sup>27</sup> Og i Danmark, hev Troels Lund vist, at der var ein paatakleg tilbakegong i alle stender.<sup>28</sup>

Det var ikkje med kyrkja sin gode vilje at dette skjede. Baade kongen og kyrkja saag det som si oppgaava aa stansa den veksande flaumen av synder, for aa avvenda Guds vreide og straff. Difor vart det i 2. helvti av ref. aarh. aarleg aars ved kongebod tillyst bededager i baae rike, tri i rad kvar gong, likesom dei katolske dies rogationum, for aa vekkja folket til bot og betring, og for aa avvenda Guds "fortørnelse" og straffedom. Til aa byrgja med hadde dei evangeliske bededagane einast det formaal aa paakalla Guds hjelp mot arvefienden aat den evangeliske kyrkja, "paven og hans anhang" (1546)<sup>29</sup>. Men snart viste det seg ein verre fiende innanfyre den evangeliske kyrkja sjølv, i form av "synd og ondskab"<sup>30</sup>, og sidan 1551 hadde bededagane eit dubbelt formaal,

ikkje berre aa verna mot den konfesjonelle faaren, men fyrst og fremst mot den moralske forderving, - eller, som Sjællands biskop Peder Palladius skriv i si rettleiding um bededagane: "mot dei forferdelege laster som Satan er orsak til rûndt ikring, av di folk er uvarlege og ikkje strider imot Satan med Guds ord og ikkje gjer bot, - slikt som manndrap, fadermord, blodskam, ..., trollkunster, openljøs okring". Det gjeld, segjer Palladius, ikkje berre aa verja Guds ord mot fiendane, men aa verka til, at kvar ein gjer bot og aalvorleg lèt seg paaverka av forkynningi av Evangeliet, steller seg i fylkingen, strider mot djevelen og freistingane som ein djerv Christi hermann, og aktar seg for ikkje aa verta overvunnen av synder og laster, men staar fast, mann ved mann og kvinna ved kvinna, nyktert, rettferdigt og fromt, idet dei alle vandrar saman framfyre Guds aasyn og Christi kyrkja".<sup>31</sup>

Bededagstekstene, som Sjællands biskop fastsette serskilt for kvart aar for baade den danske og den norske kyrkja, var valde sovel fraa det Nye som fraa det Gamle Testamente, men serleg fraa det Gamle, og det var dei gamaltestamentlege teksterne, mest fraa profetane og salmane, som skulde nyttast til preiketekster.<sup>32</sup> Saman med teksterne fyreskreiv Sjællands biskop ogsø bønerne og gav ei rettleiding til aa utlegja teksterne - sjaa Søfr.Mem. Superintendentane kunngjorde bededagane kvar i sitt bispedøme, gjerne med utførlege latinske hyrdebrev til prestane um formaalet med bededagane, - me hev fleire slike bededagsbrev fraa superintendenten i Oslo og Hamar Jens Nilssøn, fraa 1580-90-aari, - i avskrift av soknepresten i Solum ved Skien Søfren Søfrenssøn.<sup>33</sup>

I bededagspreika kunde presten, etter Palladius's tilvisning nemna konkrete døme paa grove syndarar, - vel helst slike som hadde fenge si velfortjente straff, eller hadde teke ein usæl ende, - til aatvaring og skrekk for andre. Han nemner sjølv tvo tilfelle, menn som hadde gjort blodskam og var brennt.<sup>34</sup>

Biskop Jens Nilssøn nytta ogsø det same motiv i visitaspreika, - med appell til samvitet: soleis i Bø 1579<sup>35</sup>, og i Seljord 1583: "Hans prædiken samme tid var med formaning om Guds ord at høre idelige og bevare, hvor, ja hvor nødtørftigt og endelige det er for nøden baade at høre og rette dennom derefter, og hvor

ilde de far, som det forakte, at naar samvittigheden vaagner op, vide de ikke andet enn hjertet skal bryde sig udav brystet paa dennom, - som han beviste med den, der havde skudt sig selv i hjel i Vinje sogn samme aar om vinteren tilforn."<sup>36</sup>

Men ikkje mindre sterkt vart andre motiv utnytta til aatvaring mot synder og laster, - som uttrykk for Guds vreide, som varsl og fyrebod um hans straffedomar: sott og sjukdom, krig og ulukkor og merkelege hendingar i samtidi, - men framforalt underlege teikn i naturi, paa himmel og jord. Dette heng saman med gamall folketru, men alle slike fyrestellingar fær ny styrke ved reformasjonen, fraa dei eschatologiske skildringar i Bibelen, og gjenom humanismen, som eggde fantasien med sine astrologiske spekulasjonar.

I andre helfti av 1500-talet møter me i vaart land ei rekkja boklærde menn som tilhengjarar av denne varseltru. I si dagbok hev mester Absalon Pederssøn Beier, lektor i teologi i Bergen og slottsprest paa Bergenhus, aar um anna uppteikna merkelege hendingar og syner som han opplevde eller fekk melding um.<sup>37</sup> Og liknande ting vert fortalt av andre seinare skribentar. Der er set underlege skyfigurar paa himmelen, som menneskjeskapnader<sup>38</sup> eller son dyr - bjørn<sup>39</sup>, løva,<sup>40</sup> kamel,<sup>41</sup> drake<sup>42</sup> -, skyer kvasse som spjut<sup>43</sup>, myrke skyer taggete som ris<sup>44</sup>, himmelen raud som blod<sup>45</sup>, røyk<sup>46</sup>, blodskyer<sup>47</sup>, ljoske<sup>48</sup>, eld<sup>49</sup>, logar<sup>50</sup>, brennande ris (kometar)<sup>51</sup>, gloande sverd<sup>52</sup>, furdelege himmel-lekamar<sup>53</sup>, eit andlet<sup>54</sup>, ei stor hand<sup>55</sup>. Ei vinternatt i 1564 saag tenestekarane aat presten i Fana, "fromme personer", ei syn utanfor Kvarven ved Bergen, - himmelen opnast, og ei gloande Olavs-øks tyktest falla ned mot jordi og litt seinare fara upp igjen, og deretter fall det fraa himmelen eit gloande ris som var likt eit brennande knippe halm.<sup>56</sup>

Soleis med syner over heile landet: I november 1569, fortel Absalon Pederssøn, vart det set teikn vide ikring: "I Oslo en hand holdendes et brennende ris, hves odder vende sig i øster; i Stadanger en stjerne som en comete i nogle aftener, ... item en blodsky, saare rød av farve, saa at hun gjorde ont i øgen, saa blodrød var hun, og himmelen var ligevel klar; i Trondhjem har man seet it sverd, her hos Bergen to mend slages, en hvidklød, en sortklød, denne var overvunden av hin hvidklødde"<sup>57</sup>



Dette altsaman vart teke som "signa iræ" teikn på Guds vreidel - Ein stor og forferdeleg toresmell midt paa ljose dagen,<sup>58</sup> eit steinras fraa fjellet<sup>59</sup> kunde skaka folk upp og vendte tanken til Gud - same verknað hadde det at ein kjukling gol som ein gamal hane i 3-4 dagar paa rad, og at det samtidigt vart set eld falla fraa himmelen ned i havet.<sup>60</sup> I februar 1571 skreiv Absalon Pedersson: "Man fikk ingen sild i dette aar for vore store synder, misbrug og utaknemmelighed".<sup>61</sup>

Med stor kraft utnyttar biskop Jens Nilssøn jertegnmotivet i sine preikor, naar han talar um Mattheus ev. 24 eller Lukas ev. 19. Av Jerusalems forstyrning "skal vi lære at frygte den almechtigste Gud og at reddis for hans grumme vrede imod synden, og lade av at synde".<sup>62</sup> For naar Gud ikkje spara sitt utvalde folk, korleis skulde han vilja spara oss? "Hvor mon det da ville gaa med oss, om vi i lige maade ere vantro, og fører et ugudeligt ukristeligt og utilbørligt levnet? Mon ikke vi med voris steder og byer, hus og hjem, i lige maade kunde omkuld kastes, forstørris og ødeleggis, anten formedelst torden og ljunild, eller formedels stormvind eller vandflod eller jordskjelv, eller formedelst krig, orlog og blodstyrtning, eller formedelst svar pestilents (som den plage er nu allerede begynt og den ild er optendt iblandt oss), eller og formedelst andre plager?

Ja, vitterlig det, - og hves Gud hjemsøger oss med sin hevn og straff, da haver vi det vel fortjent med voris store, svare, grove og mangfoldige synder, som vi have besmitted oss med i langsommelig tid, og øver oss fast udi daglige dags, uanseet at Gud lader predike sitt ord for oss nu saa lang tid, og indbjuder oss til pænitents: Ikke allene formedelst Ordens tjeneres lydendis røst, men end ogsaa formedelst de mange tegen som han lader ske i himmelen, i luften, i havet, og her nede paa jorden, med sol- og maanes formørkelse, med kometer og andre underlige aspekter, med svar støbregn, blest og utimelige verligt, med unaturlig og usedvanlig fødsel og andet mere, som vi paa nogle aars tid haver sjelv seet og i sandhed befundet og forfaret i mange underlige og selsomme ting. Ikke alene kometer, den ene efter den anden meget forskrekkelige paa himmelen, men end ogsaa den ny usedvanlige stjerne, som skinede klarere end nogen av de andre planeter og stjerner (solen undertagen) i langsommelig tid, i det tegen som kallis Cassiopoeia, anno

1572, hves lige neppelige skal vere seet fraa verdens første begyndelse. At jeg nu ikke skal tale om hvorledes at brød er i ovnen av sig selv omvent til aske, som vi vel alle ved at det skeede i Fredrikstad, nogle faa aar forleden siden, - og flere andre tegn."<sup>63</sup> Eller naar biskopen talar um ødeleggelsens vederstyggelighed:<sup>64</sup> Det reknast 1580 aar fraa Israels utgang av Ægypten til Jerusalems øydelegging. No skriv me aar 1578 etter Christi fødsel, segler prediakanten, og etter manges meining stundar det det noko merkelig til. Christus talar i Luk. 17 um dei teikn som skal skje fyre den yttarste dommedag. "At den tid er nu forhanden, det kan vi se og formerke i mange adskillige maade, og saa godt som føle og tage derpaa. Di alle disse tegn som Christus her talar om, er nu skede og andre flere: At sol og maane skulle miste skinet og sternerne falde av, himmelens krafter skulle røres, og folk paa jorden skulle blive bange og mistrøstige, - at havit og vandløberne skulle bruse og storme, at mennisken skulle forsmegtis av redzel og for de ringiste forventelse som skulle kome paa jorden. Saadant og andit mere der Christus haver sagt av, er nu nogit ner altsamen gaait for sig. Thi vi haver seet mange adskillige tegn paa himelen, her nere paa jorden og i havit, og ser saa godt som daglige for øgne. Solen og maanen formørkes tit og ofte, ny usedvanlige stjerner haver nu nylige for en 5 eller 6 aar siden lad sig til sjune høgist paa himelen, saadan som aldrig haver verit seet tilforn fra verdens begyndelse. Vi haver og seet kometer, forskrekkelige ljus at brende i lukten, og andre underlige og selsam ting, item usedvanlig torden og stort jordskjell og unaturlig forskrekkelig fødsel eblandt menisken saavel som eblandt uskjellige kreatur. Børn fødes med 2 hoveder, 4 hender, 4 føder, kalve med to hoveder, som man nu nyligen er sked, saa at naturen forvandlis megit underlig og elementerne omskiftis, saa vand vendis om til blod, brød til aske (hvilket og er sked nyligen i disse lande<sup>65</sup>), haved bruser og stormer fast, og underligt ser man der udi stor forferlige fiske og monstra. Siden: krig og fæ(i)de før man alle vegne til lands og til vands. Disligeste stor ketteri og vildfarelse, saa at der er nu sekter i alle land, steder og byer, at der er ikke tal paa dem, der skriver emod hver dispoterit emod hverandre. Og endog at evangelium det predikis nu saa klarligen som i Christi og

apostlernes tid, saa forfølges det dog saa ganske svarligen av de ugudelige jøder, turker, papister, og allermest av paven i Rom, hans kardinaler og munkar." <sup>66</sup>

Og predikanten minner tilsist um dei teikn, som etter Josephus og Hegesippus gjekk fyre Jerusalems forstyrring: gloande sverd paa himmelen, stort ljøs kring høgaltaren nattetid, jarndør som sprag upp, krigsher i lufti, ropande røyster. <sup>67</sup>

Aaret 1580 gjekk forbi, men domedagsotten var like levande, serleg fyre skotaar. I 1584 skreiv den fyrr citerte anonyme bergenske samfundsrefsaren, <sup>68</sup> korleis der i Noreg hadda synt seg teikn, som tydeleg viste, at den yttarste <sup>dagen</sup> stod fyre. Han minner um dei teikn som var set for 15 aar sidan, paa jordi, paa fisk og fe, og i lufti, og reknar upp mange andre varslande hendingar sidan den tid: tilbakegang med kontoret i Bergen paa alle maatar, braa dødsfall paa sjøen og i byen, blodskam og store synder i Bergen, brenning av trollfolk, urettferdige domar, stormskade, nedgang i sildefangst og anna fiske, vannskapningar og monstra som kjem til verdi, m.a. ein underleg gris med langt horn fødd i Oslo i 1581, lemenregn milevidt over Vestlandet, ovstort snøfall - 6 alner - kring Bergen, toreslag joledagen under høgnessa, teikn i soli, daglege tiende um at fjell og berg rivnar og at gardar søkk ned. <sup>69</sup>

Denne merkelege skrift, som er skrivi av ein tysk mann, og ber titelen "Die Nordsche Sou" - den norske purka - gjev i allegorisk form - ei hønsekorg - eit drastisk bilæte av det moralske tilstand i Noreg i alle stender, karakteriserar kvart stand med sine spesielle synder, minner um Guds straff som alt er komi og enno skal koma over landet, og formanar geistleg og verdsleg øvrigheit til aa fyrekoma straffi med kyrkjelege, moralske og sosiale raadbøter. Fyrst av alt ynskjer han, at borgmeister og raad ved sine tenarar vil syta for at folk held bededagane heilage. <sup>70</sup>

I Oslo-Hamar bispedøme kunngjorde ogso biskop Jens Nilsson i 1591, at paa bededagane maatte der "ingen toll, stevnestue, bryllup, gjestebud eller arbeid bruges. " Prestane skulde formana aalmugen til aa søkja kyrkja um bededagane, og "fliteligen optegne alle dennom, som forsøme kirken samme dage, at øvrigheden kunde faa der fatt paa, og faa straff". <sup>71</sup>

Registeret over dei forsømelege skulde futen faa, "saa finder han vel raad til saadanne".<sup>72</sup>

Heile reformasjonshundradaaret ut lyder botsforkynningi sterk i den norske kyrkja. I eit bededagsbrev fraa ein provst<sup>73</sup> heiter det, 1591: "Maaske nu henger os over hovdit store landplager og megit ont for vore store grove synder der vi daglige søle os udi; thi Herren haver nu begynt at beté os sin retttferdige vrede med jordens grøde, han haver ladet forminskis- Hvad vil jeg skrive om itt slags straff, efter(di) alle kreatur sjunis at vere vrede paa os arme syndere".

I denne tid lyfter det seg ei mektig bots-røyst i Noreg: biskop Jørgen Erikssøn i Stavanger. Ingen annan i reformasjonshundradaaret hev talt slik um pønitense, med kraft og mynja, med evangelisk klarleik og varme, som han gjorde i dei preikor han heldt um proffen Jonas i 1580-aari i Stavanger domkyrkja. Ingen bibeltekst kunde her vera bedre vald til grunnlag for ei rekkja med pønitenpreikor enn boki um botspredikanten i Ninive.

I desse 24 preikor, utgjevne i Kjøbenhavn 1572, gjenomgaar Jørgen Erikssøn heile Jonas-boki, og faar her høve til ei stor oppgjerd med si samtids synder og laster av alle slag i alle stender. Vaare misgjerningar, segjer han, er ikkje ringare enn "de Niniviters synder",<sup>74</sup> - "baade met Affguderi, som i mange Aar i Pawedommit Gud til bespottelse hos os skeed er, deslige oc met Gvds Naffns misbrug, met sueren, banden oc skenden, siden udi slemme oc letferdige ord imod Gud oc erlige Folck,... i wtuctigheds Synd met Horeri, Boleri oc Blodskam, ... der til oc met Had, Affuind, Mandslet, Tyffueri, Bedregeri, met Slemmen oc Demmen Nat oc Dag, saa vel Helligt som Søgent, met alle andre slags laster..." Som alle botspredikantar i daatidi trugar han med Guds straff, "Pestilentz oc farlige Siugdomme, Hunger oc Dyrtid, Krig oc Blodstyrting, oc saadanne flere Plager".<sup>75</sup> Men han gjev allsidig og utførlig framstilling av pønitensen ut fraa dei reformatoriske grunntankar: Han formanar til anger og umvending til Gud, ved trui paa Kristi fortienesta, han viser vegen til syndsforlatingi og til del i Kristi velgjerningar, og han skildrar det nye liv i lydriad og takksemnd. Paa ein tiltalande og heilt ut aandeleg maate gjev han ei rekkja med grunnar for aa gjera pøniten utan aa dryggja.<sup>76</sup>

Jørgen Erikssøns Jonaspreekor er eit verdigt monument over den innsats den norske kyrkja gjorde i reformasjonstidi for aa atterreisa ein kristeleg folkemoral.

Men ikkje mindre kraftig forkynnte ogso hans embetsbroder Jens Nilssøn i Oslo og Hamar baade lovi og evangeliet. Han er ikkje den som bind putor under armane paa syndarane, tvertimot, han trugar med kyrkjetugt, bannsetjing og openberr avløysing, sovelsom med Guds vreide og dom.<sup>77</sup> Men likevel gjev han oppmunt-ring til kristelege dygder, til eit liv i anger og bot, i tru og bøn, i kjærleik og lydnad. Dette er, naar alt kjem til alt, hovudsaki for honom. Hans forkynning er so langt ifraa einsidig teoretisk og dogmatisk, ho er i beste forstand praktisk og pædagogisk, soleis som ein just kann venta det av ein disipel av Melanchthon og Nils Hemmingssøn.<sup>78</sup>

NOTER TIL KAP. XI, 10: Synder og gode seder.

1. s. 42 8/2 1935
2. Chr. III. II, 381.
3. NR I.
4. N. Mag. I, 583-6.
5. Sv.s.c. 104.
6. N. Mag. I, 599 f.
7. DN III 483
8. Y. Nielsen, Bergen, 162 f.
9. ib, 287 f.
10. 1935 8/2 9.15-10. 10 tilh. N. Saml. I, 14-15.
11. P. Pall. D. Skr. I, 336.
12. N. Mag. I, 555-6.
13. N. Mag, I, 556.
14. N. Mag, I, 562 f. 598 f.
15. 1940 10/10 10.15-11. 3 tlh.
16. N. Saml. I, 216 f.
17. N. Saml. I, 217 f.
18. N. Saml. I, 207.
19. Bang, R 380-1.
20. N. Mag. I, 211 f. 215.
21. P. Cl. Saml. Skr. 300.
22. St,DP. 550.
23. JNV CLXXXII. Norsk Herredags-Dombog 1585 s.
24. JNV. 375.380.384.
25. Ib. 429.
26. JNV 404.416, o. fl. st.
27. Johannes Janssen, Geschichte des deutschen Volkes, VIII.
28. Dagligt Liv i N. XII.
29. DKl I, 224.
30. NR I, 142. Ny Kh. Saml. III, 46, 1551.
31. Dipl. Vibergense, s. 280-83.
32. 1935 8/2 10.15-11. 10 tilh.
33. S.S. Memorialbog, ved. A.E. Erichsen.
34. Dipl. Viberg. 282.
35. Bø 1579, SSM 11.
36. Søfr. Søfr. Mem. 18.
37. N. Mag. I.
38. I 255 363, II 41

39. I 255
40. I 256
- 41.
42. I 255
43. I 273
44. I 256, II 41
45. I 273
46. I 257
47. I 363
48. II 41
49. I 256. 364
50. I 256
51. I 239. 363
52. 257
53. I 260. 329. 398. 406
54. I 255
55. I 255
56. I 259
57. I, 363.
58. I, 229
59. I 300
60. I 374
61. I, 399
62. JNPr. 335: 1583
63. s. 336
64. JNPr 432, 1578
65. jfr. SSM s. 11: 19/9 1578. Prøve av oska forevist ved visitas.
66. s. 432-3
67. s. 435.
68. De Norsche Sau, N. Mag. II, 43 f.
69. N. Mag. II, 43-45.
70. N. Mag. II, 49.
71. Søfr. Søfr. 38. 39. 42.
72. s. 42.
73. Thomas Andersson i Solum. Søfr.Søfr. 38.
74. f. 21<sup>V</sup>.
75. f. 9<sup>V</sup>.
76. f. 256-260.
77. JNPr 160-1. NB prestemøtet i Skien 1591.
78. JNBr. 109. NB. Jakob Pederssøn Flensburg borgar i Skien; Vaagn op, 1595. Bang R 392 ff.

Prestar og soknefolk.

Ei viktig sak som meir og meir kravde merksemd og løysning, var ei betre regulering av soknetenesta.<sup>1</sup>

Millom dei einiskilde kyrkjer i prestegjeldi var gudstenestorne fordelt etter gamall tradisjon, men skipnaden var blitt til under katolske tilhøve, og svara ikkje so vel til evangeliske krav. Ei jamnare fordeling av kyrkjehus og soknar - utan overflødige smaa-kyrkjer og kapell - og ei rimeligare fordeling av gudstenestorne millom soknerne, maatte fyrr eller seinare gjennomførast ikkje berre i byane, men ogso i bygdene. At noko er vorte gjort i denne leid alt i den fyrste tid etter reformasjonen, veit me, fraa Geble Pederssons verksemd. Men korleis denne sida av reformasjonsverket er drivi i dei ymse bispedøme og under dei ymse superintendentane, hev me ikkje materiale til aa skildra eller døma um i samanheng.

Den beste oversyn gjev Trondheims bispedøme, for her var saki teki upp paa heilt planmessig maate i 1586 av lensherren i Trondheim, den unge og initiativrike danske adelsmannen Christian Friis til Borreby, som seinare spela ei framskoti rolle i riksstyringi som kanslar hjaa Christian IV. Christian Friis var ein vidfaren og overlag velstudert mann. Daa han 27 aar gamall vart forlent med Trondheim, m.m., hadde han i meir enn halvdelen av si levetid ferdast utanlands, i Tyskland, Frankrike, Italia, ved høgskular og paa reisor, like til Malta. Han hadde ein serleg interesse for kyrkje og skule, nærmast i statskyrkjeleg leid; han saag arbeidet aat kyrkja i samanheng med samfundet i det heile, og kravde at kvar prest eller lærar skulde gjera si plikt til det aalmenne beste.

I eit brev til biskopen i Trondheim 1599 skreiv Christian Friis sjølv um si verksemd som kanslar: "Fraa fyrste dagen det embete eg no hev vart overdrege til meg, hev eg lagt all min hug paaat religionen i dessø rike kunde fremjast so trufast og retteleg som mogeleg av tenarnane i Ordet ved deira læra og liv, og dei som arbeidde i den leid hev eg søkt aa heidra og forfremja sovidt det stod til meg". Men, segjer han; "den tid eg var lensherre hjaa dykk, fann eg større likesæla og skøyteløysa hjaa tenarane i ordet i dei landsluterne enn nokon annan stad."<sup>2</sup>

Christian Friis skildra i 1586 tilstandet i Trondheims bispedøme soleis for kongen: "at det der udi Stiftet fast uskikkeligen og



ubilligen tilgaar med Guds Tjeneste udi nogle af Landskirkerne..., saa at de Bønder, som noget vidt er bosiddendis, og bo udi Annexerne, fange sjelden Prædiken og Guds Ord at høre, med mindre de nogle Mile Vei ville reise til Kirken, dennem ikke uden ringe Besværing, baade udi deres Saligheds Sag, og for anden tilfaldende Leilighed; uanseet de, saavel som de andre hos Hoved-Kirkerne, rigteligen udgive deres rette og tilbørlige Præsterente og Rettighed".<sup>3</sup>

Kongen nemnde daa upp ein visitaskommisjon med fire medlemmer; lensherren Christian Friis, superintendenten m. Hans Mogenssøn, og 2 residerande kanikar i Trondheim, m. Hans Sigurdsson, sokneprest ved domkyrkja, og Jens Andersson, kantor. Kongen baud dei aa reisa rundt i stiftet og granska tilhøvi, dela sokner, og paaleggja prestane aa halde fleire kapellanar, der det var turvande.

Dette skjede. Daa Christian Friis i 1589 tok avskil med Trondheims len, var visitaskommisjonen ferdig med sitt arbeid. Han hadde funne store mishøve aa retta: "at mange Sogne ulideligen og med stor Forsømmelse hertil have været betjente, i det at baade Sognepræsten og Kapellanen, begge tillige, have været i én Kirke, den Ene sjunget for Alteret, den Anden prædiket; disemellem finge de, som boede ved de andre Kirker, des mindre Tjeneste, hvorover de Bønder klagede, som boede langt fra Hovedkirken, og forment dennem at ville have lige Tjeneste med de Andre, efterdi de, saavel som Andre, gave deres præstelige Rettighed ud; saa at det i Sandhed befandtes, at somme Bønder fik hver anden eller tredje Søndag Tjeneste, men en Part 2 eller 3 Gange om Aaret. Sognepræsterne sagde Sligt at skee af en gammel Sædvane, og ikke af nogen Læthed, vare overtydige, at naar Tjenesten iblandt Menigheden ligeligen blev skiftet, og Ordning derpaa gjort, vilde de gjerne rette den derefter". - Paa fleire maatar kom det fram, at folket sette stor pris paa kyrkjetenesta. Det hadde stundom vore vandt for lensherren aa faa bygsla burt gardar i annekssokner, langt fraa hovudkyrkja. I sume annekssokner bad bønderne um at kapellanen maatte koma til deim noko tidt, og baud ei liti pengeavgift til honom av kvar mann for dette. I mange prestegjeld, paa Møre, i Romsdal og i Nordland, tok bønderne paa seg aa hjelpa friviljug til "underholdning" for ein residerande prest i annekssokni for aa hava prest hjaa seg. Og naar det i sume bygder i Trøndelag var naudsynleg aa taka inntekterne aat kyrkior og leggja til presten for aa forbetra hans løn, tok bønderne sjølve paa seg

aa halda kyrkjorne ved like.

Vidare, segjer visitatorane, "have vi og fundet mange Kirker, som laa nær op til andre Kirker, og ikke Behov gjordes, at holdes vedlige; men det var dog sædvanligt, at hvert Aar engang eller to skæde Messe og Prædiken derudi, og da gjorde Bønderne et almindeligt Gjæstebud, saa de med al Rette kunde kaldes Ølkirker. Slige Kirker have vi afskaffet, og forbudt Præsterne derudi at skulle prædike" - [Av slike kyrkjor la visitaskommisjonen ned 13, alle i Inn-Trøndelag deriblandt 4 i Verdal, 3 i Skogn, 3 i Stjørdal] 4.

I prestegjeld for prestegjeld registrerte visitaskommisjonen talet paa kyrkjor og prestar, inntektene aat sokneprestane og løni aat kapellanane, og avgjorde fordelingi av gudstenestorne millom kyrkjorne. Resultatet av denne granskingi og reguleringi nedla dei i ei bok, Trondheims Stifts Reformat, 5 dagsett 1. mars 1589. Boki skulde gøymast i Trondheims kapitel og vera grunnlaget for soknetenesteskippnaden i framtidi, og forat ikkje "gjerrige og umættelige Præster" seinare skulde taka orsak av denne forandring til aa krevja lønstillegg av kongen, som um dei ikkje hadde noko aa leva av, vart eksempel av reformaten ogso innsendt til kanselliet i Kjøbenhavn og stadthaldaren paa Akershus.

Um ein reknar Trondheims by med, og ser burt fraa Jamtland som fyrst i 1570 vart lagt under Trondheims bispen, so hadde Trondheims bispedøme i 1589 ikkje halvparten so mange prestar som Nidaros erkebispedøme i si velmaktstid, fyre svartedauden. Daa var det, etter erkebiskop Tronds utsegn til paven i 1371, 300 prestar, og i 1589 var det ikkje fullt 140<sup>6</sup>. - Enno i vaar tid er det ikkje 200 prestar i den landsluten, som motsvarar det gamle Trondheims bispedøme.

Reformaten viser, at den gamle prestegjelds-inndeling so godt som utan undantak vart staaande uforandra. Fyrst langt ned i tidi, paa 1700talet, tok det til aa verta gjort noko brigde i dette.

Det var difor i reformasjonshundradaaret saare ulike tilhøve i den kyrkjelege inndeling i dette bispedøme. Der var prestegjeld med 1 kyrkje og 1 prest, som Opdal, Meldal, Gildeskaal, og prestegjeld med 8 kyrkjor og 4 prestar, som Alstadhaug og Trana. Ja Trondenes hadde 14 kyrkjor og 9 prestar. I dei fleste prestegjeld var det 3-4-5 kyrkjor og 2-3 prestar.

Um ein reknar Jamtland med, var der i 1589 i landssoknerne i Trondheims bispedøme 149 prestar fordelt paa 76 prestegjeld med

299 kyrkjor. Det vil segja at 73 av prestane, d.e. nær paa helvti, var kapellanar; og 192 kyrkjor var annekskyrkjor, 20 kapell og korshus.

Ein stor del av kapellanarne residerte i anneksi. Men ved visitasar pla biskopen berre visitera hovudkyrkja. DET hendte ikkje at annekskyrkja fekk visitas. Det var difor ein god reform, at prøstane i 1601 fekk paalegg um aa visitera i anneksi hjaa dei residerande kapellanane.<sup>7</sup>

I Trondhøims stift var ein stor del prestegjeld - i 1628 ialt 24 -<sup>8</sup> kanikgjeld som var knytt til kanonikat ved domkyrkja. Kongebodet til dei evangeliske domkapitel um stadig aa residera ved domkyrkja, maatte, um innehavaren fylgde det, føra til, at prestenesta i kanikgjeldi vart forsømt. Dette vart ogsø tilfelle. Det vart ført klaga over, at kanikgjeldi "ikke altid blive forlente til rette Sogneprest med Kapitels og Superintendents Villie og Samtykke, men iblandt dem, som samme Prestegjeld er forlenet, er befunden tidt og ofte de Prester, som hverken ville bo og residere hos Bønderne udi samme Prestegjeld, endog de med største Flid begjere dertil at befordres, ei heller til Preste-embedet er bleven kjendt duelig og bekvem, og mene det at være nok til en Sogneprests Embede at forestaa, naar de udi samme Gjeld holde en kapellan, som i deres Sted Menigheden betjener, og de selv blive boendes udi Byen udi Ørkesløshed, hvoraf gives Aarsage til Forsømmelse, de og gjøre det at den Aarsag at de kunde nyde portionen bonorum communium (d.e. lut i kommuninntekterne, som berre tilfall residerande kanikar). Samtidig med at kongen i 1601 avgrensa talet paa residerande kanikar, kravde han, at det til kanikgjeld berre skulde utnemnst fulldugelege personar, " og skal samme Personer blive og bo hos Bønderne, og som rette Sogneprester Kirken og Menigheden udi egen Person efter Ordinantsen og Reformationen (d.e. Reformatsen av 1589) betjene som det sig bør."<sup>9</sup>

NOTER TIL PRESTER OG SOKNEFOLK

1. 1935 15/3 10.15 - 11 10 tilh. 1940 24/10 10.15 - 11 2 tilh.
2. D. Mag. I, 86-7.
3. NR II, 688.
4. ( - ) umtalt seinare.
5. Det kgl. norske Videnskabers Selskabs Skrifter i det 19de Aarh.  
I, 361-432.
6. Bygderne: 130, Tronheim 7 ?
7. NR III, 621. Annekstenesta i Bergens bpd. 1589. N.Mag. II, 238-9.
8. NR IV, 687.
9. NR III, 623-4.

Den kyrkjelege økonomi.

Ei viktig sak ved reformarbeidet, som kravde stor omsut fraa dei fyrste evangeliske superintendentane, og som burde ha lege reformasjonskongen meir paa hjarta, var den kyrkjelege økonomi.

Det gods og dei inntekter, som deira katolske fyremenner hadde raadt for, men som no kongen hadde lagt under seg, hadde dei ikkje noko aa segja over. Det heitte nok i reformasjonsrecessen i Kjøbenhavn 1536, at godset og inntekterne aat biskopane serleg skulde nyttast til kyrkjeleg bruk. Men det vart ikkje gjort i Christian III's tid, og Luther og Bugenhagens oppmaningar til den danske reformasjonskongen um aa skilja undan munalegt av bispestolsgodset til kyrkjelege formaal, eller um aa overlata bispetienden til kyrkja, nytta ingen ting.

I styringi av gods og inntekter som framleides vart høyrande kyrkja til, hadde superintendenten lovleg godkjend mynja jamsides med representanten for kongemakti, den kgl. lensmannen. Fraa reformasjonen hadde desse tvo i fellesskap overtilsyni over den kyrkjelege økonomi og var - som det heiter med nyare uttrykk - "kirkens forsvar" eller "stiftsdireksjon".

I den fyrste tid etter reformasjonen hadde kyrkjeforsvaret ei retteleg vidstrekt mynja til sjølvstendig avgjersla, det var tradisjonen fraa det katolske biskopstyre over kyrkjegodset som vart uppteken av dei evangeliske superintendentane og lensherrane. Og superintendenten tok ogso paa eigi hand avgjerslor, som ingen biskop i vaar kyrkja no vil kunna. Men i viktigare saker var den uttrykkelge fyresetnaden "konning Christians vaar allernaadigste herres gode tykke og behag".<sup>1</sup> - Med tidi vert det meir og meir kongen sjølv som avgjer økonomiske spursmaal.

Den utvikling me skal fylgja utgjenom reformasjonshundraaret, hev fleire sidor. Det gjeld inkomorne aat presteembeti, skularne og hospitali, og domkapitli, det gjeld godset og inkomorna aat kyrkjerne og andsvaret for dei, - det gjeld maaten aa svara og dela tienden paa, og serskilt retten til den 4de luten, bondeluten, som baade aalmugen og kyrkja gjorde krav paa - dette emne skal verta serskilt umtala -, - og det gjeld prestane sine private inntektskjeldor og eigedomar.

Det er i Bergens bispedøme me kjenner best til kva for økonomiske skipnader kyrkjestyret gjorde i den fyrste tid etter reformasjonen.<sup>2</sup> Me ser 4 forfallne kyrkjer i Sogn vert nedlagt i 1544 og inntekterne lagt til Korskyrkja i Bergen<sup>3</sup>, - gildi paa landet vert nedlagt og godset delt millom ymse kyrkjelege fyremaal, 1544,<sup>4</sup> - slikt gjer den kgl. hovudsmannen og superintendenten saman. Præbendor ved Bergens domkyrkja ver<sup>t</sup> umordna<sup>5</sup>, sokner vert lagt fraa eit prestegjeld til eit anna<sup>6</sup>, krossar ver<sup>t</sup> nedlagt som andaktsstad, og jordegodset gjeve attende til ærvingane,<sup>7</sup> - slikt gjer biskopen aaleine.

Serleg naudsynlegt, meir enn aa leggja ned og umregulera, var det aa halda ved like og fornya det som framleides skulde staa ved lag: halde kyrkjer i stand og trygda prestar og kyrkjer eigedom og inntekter.

Ved Trud Ulvstands og Claus Billes recess 1539 var det innskjerpt og stadfest, at kyrkjerne skulde hava det som dei aatte og deim tilkom, uskjerda, og presteskapet uppebera sine gamle rettigheter og avgifter som fyrr.

Men ein av dei fyrste vernaderne av kyrkjereformasjonen var - som fyrr umtala - at aalmugen i bygderne baade forsømte sine plikter og dette stykke, og beint fram gjorde vanskar og nekta aa svara sin skyldnad, naar dei vart kravde. Det høyrdest difor snart<sup>8</sup> klagemaal over dette. Prestane fekk ikkje sin "rettighet" i tiende, kyrkjegang og utferd,<sup>9</sup> - kyrkjeumbodsmennerne ikkje den "rettighet" som tilkom kyrkorne i landskyld, tiende, kyrleiga og anna.<sup>10</sup>

Paa denne maaten var innkomorne aat (prestar og) kyrkjer forminska, og kyrkjerne vart ille stelt. Ogso kyrkjeumbodsmennerne var forsømelege, so fleire kyrkjer var komne til nedfalls.<sup>11</sup>

Her galdt det aa gripa inn med kraftig hand. "Det staar at befrykte - segjer kyrkjeforsvaret - at kjerkernelis nedfall kan eder til stor skade (vorde), der som de ikke nu snarlige faa opreisning, og den christelige religion skulde derover forandris og forleggis". For at kyrkjerne "kunde komme til makt igjen ok at christendommen kunne des ydermere forøgis;" samraadde kyrkjeforsvaret i Bergen og Stavanger bispedøme seg med gode menn um aa betra tilstandet, og i aaret 1544 vart det utferda kraftige rettarbøter etter ordinansen og kristenretten av den kgl. hovudsmannen paa Bergenhus Christoffer Huitfeldt, saman med Geble Pedersson for Bergens bispedøme<sup>12</sup> og saman med Jon Guttorm-

son for Stavanger bispedøme.<sup>13</sup>

Dei innskjerpte skyldnaden aat aalmugen til aa svara sine avgifter til prestar og kyrkior, under tiltale for heradsprovsten og sidan for kongens fut, og med trugsmaal um bøter for brevbrot (d.e. brot mot kongens brev).<sup>14</sup>

Bønderne vart paalagt aa setja istand baade hovudkyrkior og smaa soknekyrkior innan aars frest, etter kristenretten.<sup>15</sup> Kyrkjeumbodsmennerne skal gjera si plikt med aa avleggja rekneskap kvart tridje aar - likeeins som i den katolske tid - og syta for, at kyrkjorne fær sine rettigheter fullt ut, - at kyrkjegodset, baade jord, skog, fiske og kyr, vert vitugt stelt og ikkje forringa korkje i verdi eller i avdraatt, - at fraakome gods vert vunne tilbake, og i det heile, at innkomorne aat kyrkjorne heller vert auka enn minska.<sup>16</sup>

Kyrkjegardane, "som eders kroppe skal hederlige i hvilis", skal aalmugen halda reine, og inventaret i kyrkja, font, preikestol og høgaltar med klæde og ljøs, "ved sin makt og renlighed i alle pryde".<sup>17</sup>

Den økonomiske reformverksemd i Bergens og Stavangers bispedøme er eit tiltalende drag i den eldste reformasjonssoga. I Oslo oppnaadde biskop Hans Rev ei viktig økonomisk vinning daa det lukkast honom aa faa kapitlet ved det kongelege kapell Mariakyrkja slaatt saman med kapitlet ved domkyrkja, som dervæd vart det rikaste domkapitel i Noreg. Heilt faafengd var derimot den freistnaden som mester Thorbjørn Olsson i Trondheim gjorde paa si ferd til Kjøbenhavn 1547 paa aa faa tilbake noko av det inndregne godset aat erkebispestolen til beste for domkyrkja og katedralskulen, - eit syrgjelegt vitnemaal um den paahaldne eigennyttan som i slike spursmaal var karakteristisk for reformasjonskongen.

Den kyrkjelege økonomi, som soleis alt under dei fyrste, norske superintendentane var blitt ei aktuell sak, serleg paa grunn av uviljen hos det katolske folket imot den evangeliske kyrkjeordningi, vart enndaa meir eit brennande spursmaal under deira danske etterfylgjarar, - i Oslo-Hamar og Trondheim bispedøme alt fraa 1550 av, i Stavanger bispedøme fraa 1580-aari. Orsaki til dette var den mangelfulle og uferdige ordning av reformasjonskyrkja i Noreg - eller rettare: den danske kyrkjekipnaden, som heilt ufyrebutt og utillempa var Noreg paatvungen.

Ved reformasjonslovgjevingi hadde kongen stadfesta dei gamle økonomiske rettarne aat presteskapet, baade jordegods, tiende, avgifter og høgtidsoffer, og det same galdt soknekyrkjorne. Millom dess<sup>e</sup> rettarne var det fyrst og fremst tienden som valde vanskar, og gjenom heile reformasjonshundradaaret var der ein standande strid um tienden - som vil verta uttala i samanheng lenger fram --.

Men heller ikkje avgifterne til presten for kyrkjelege handlingar - rettigheter som var serskilt regulert av Trud Ulvstand og Claus Bille ved retteboti 1539 - kom inn utan vanskar.<sup>18</sup> I Oslo-Hamar bispedøme var det i 1550 naudsynlegt for kongen aa innskjerpa aalmugen si plikt i dette stykke likesovelsom med tienden, og paabodet maatte fleire ganger seinare takast oppat.<sup>19</sup>

Viktigt var det, at superintendentane i Oslo-Hamar og Trondheim bispedøme fekk kongen til aa fornya, i 1550<sup>20</sup> og 1552<sup>21</sup>, den gamle plikti som aalmugen hadde paa prestegardane, nemleg til aa halda vedlike tri hus: ei bergestova, eit herrekammer, og ein stald.<sup>22</sup>

Fyrst imot slutten av si regjeringstid tok reformasjonskongen seg til aa setja igang ei aalmenn gransking av den kyrkjelege økonomi i Noreg. Kven som var opphavsmannen til dette tiltaket, er ukjent. Men det torde hanga saman med, at det var bispeskifte baade i Bergen og Stavanger i 1557.

I 1558 paala kongen lensherrane paa dei fire hovudslott i Noreg: Baahus, Akershus, Bergenhus og Steinvikholm, saman med superintendentane kvar i sitt bispedøme, aa syta for, at prestane fekk si tilbørlege underholdning, og at skular og hospital hadde dei innkommor dei trong til. Um alt dette forlangte kongen aa faa seg fyrelagt "register" til godkjenning. Likeins paala han lensherrane aa "innfri" for kyrkjorne fraakome gods med lov og rett, og aa overtaaka kontrollen med kyrkjerekneskapane.<sup>23</sup>

Hans Gaas var den av superintendentane, som i sitt bispedøme tok seg av saki med størst eifer og fyrela ho baade skriftleg og personleg paa ei ferd til Kjøbenhavn i 1558. Serleg paatala han manglar og vanskar ved tiende-ytingi.<sup>24</sup>

Ogso Frants Berg kom nokre aar seinare med "artikler" um tilhøvi i sine bispedøme.<sup>25</sup> Men kongen vilde ikkje avgjera noko etter raad berre fraa superintendentane. Han forlangte ogso aa høyra, kva lensherrane meinte, og bad um sams framlegg fraa lensherrar og superintendentar, for kvart bispedøme.<sup>26</sup>



Men paa dette synest sakø aa ha stranda. Det lät seg ikkje paavisa noko resultat av arbeidet i form av ei almenn registrering eller regulering av inntektene aat prestane- i Steinvikholms len er "prebendernes, kommunets og sognepresternes rente" oppskrivne 26/10 1558<sup>27</sup> - og skulane og hospitali. Tiltaket hev m.a. ikkje ført til noko større, kva no grunnen var. Likevel var ikkje upptaket aat kongen utan verdi. Han ikkje berre inn-skjerpte aalmugen i Trondheim og Oslo - Hamar bispedøme tiende-plikti til kongen, kyrkja og presten,<sup>28</sup> men han gav ogso tilvisning paa aa nytta tienden - dvs. serleg kongetienden - til aa betra inntekterne aat prestane.<sup>29</sup> (Um dette vil det verta tale i stykket um tienden.)

I 1570-aari vart den kyrkjelege økonomi meir og meir eit aktuelt spursmaal, som hard kravde ei løysing og ein betre skipnad, og fleire viktige avgjerder vart daa gjort, - og umgjort.

Fyrst og fremst var det naudsynlegt aa faa ei betre overtilsyn med og ein betre administrasjon av godset og inntekterne aat kyrkjerne.

Ved recessen av 1539 var tilsyni med kyrkjeinntekterne, som i den katolske tid laag hos biskopane, blitt lagt i henderne paa provstane.<sup>30</sup> Men det drog ut i mange aar, fyrr den evangeliske provsteinstitusjonen vart gjennomført i alle dei norske bispedømi, og soleis paala kongen i 1558 lensherrane aa høyra kyrkjerekneskapane<sup>31</sup>. Men kyrkja forlangte tilsynsretten aat provstar og biskopar respektert, og kongen samtykte i det, 1570<sup>32</sup>.

Lensherretilsyni med kyrkjegodset og kyrkjeinntekterne var ikkje av det gode. Faktisk vart ho utført av futane, (som vel i regelen greidde dei tidlegare katolske provsteforretningane over det sekulariserte bispegodset,) og dei misbrukte si mynja med kyrkjegodset<sup>33</sup>. Dei tok jordegaavor av gardane aat kyrkjerne, naar dei vart bortbygsla; dei hogg ut kyrkjeskogane og forsømte vedlikehaldet av kyrkjerne; og dei nytta kyrkjerne til opplagsrom for kongens leiding og rettigheit og fyllte deim stundom slik upp ned varor at presten ikkje kunde koma fram aat altaren, preikestolen og fonten, og soknefolket slapp ikkje inn i stolane<sup>34</sup>.

Like ille var det, at kyrkjeeverjerne - no som fyrr - forsømte sine plikter, ikkje avla rekneskap, ikkje sytte for, at kyrkjerne fekk full nytta av sine inntekter, og ikkje heldt kyrkjerne vedlike.

Desse klagor gjeld Stavanger bispedøme. Tilstandet her hadde

ikkje betra seg sidan 1540-aari, daa retteboti ruska upp i den kyrkjelege økonomi.

Kongen søkte daa fyrst aa setja ein stoppar for den vilkaarlege framferdi aat futane og kyrkjeumbodsmennerne, og skreid dinæst til ei aalmenn umskiping for heile landet.<sup>35</sup>

Under desse mange vanskar, som den kyrkjelege økonomien valda, ikkje minst tienden, var det daa eit stort framsteg, at kongen i 1574 skipa serlege embete til aa styra med godset og inntekterne aat kyrkjerne, aa forfatta register over dette godset, aa syta for at tienden kom inn med skjel, aa høyra kyrkjerekneskapane, og aa hava tilsyn med vedlikehaldet av kyrkjerne.<sup>36</sup> Desse nye umbodsmennerne - som kom til aa bli dei eigenlege etterfylgjarane av dei biskopelege provstane, eller som dei kallast etter reformasjonen, hovmannsprovstarne - ,<sup>37</sup> og skulde vera 3 i tal, ein for Trondheim, ein for Stavanger og Bergen, ein for Oslo og Hamar;<sup>38</sup> men der vart ogso utnemnt ein serskilt for Stavanger,<sup>39</sup> soleis i alt 4. Daa dei tillike vart stelt under tilsyn av den kongelege stadhaldaren paa Akershus, kunde hermed styringi av kyrkjegodset verta kraftig centralisert.

Idéen til denne nyskipnaden, som hadde sitt fyrebilæte i Danmark, skreiv seg fraa den fyrste stadhaldaren i Noreg etter reformasjonen, den danske adelsmannen Povel Huitfeldt, utnemnd 1572, - som ogso var lensherre paa Akershus. Han let straks gjennomføra registrering av kyrkjegodset, kyrkjeinventaret og prestebordsgodset i Oslo-Hamar bispedøme, i aari 1574-77. Dette viktige register som kallst Povel Huitfeldts Stiftsbok, er enno til (i avskrift fraa ca. 1600).<sup>40</sup>

I Stavanger bispedøme utarbeidde stiftsskrivaren Hans Wincke ei ny stifts-jordebok i 1575, - den er ikkje lenger til -.<sup>41</sup>

Alt 1576 vart stiftsskrivarinstitusjonen desentralisert, idet overtilsyni vart lagt til hovudlensherrane i dei einskilde landsluter, av økonomiske grunner.<sup>42</sup>

Men det vara ikkje lenge, fyrr bønderne tok til aa klaga over stiftsskrivarane fordi dei for vilkaarleg aat og greip eigenmektig inn i gamle hevdvunne tilhøve, og paastod at dei var meir til skade enn til gagn for kyrkjerne, og kravde aa faa den gamle ordning innført igjen.<sup>43</sup> Difor avskaffa den norske herredagen i 1578 alle stiftsskrivarembeti, og la kyrkjerekneskapen under provstane og lensherrane. Og denne skipnaden godkjente kongen.<sup>44</sup>

Registreringi av kyrkjegodset og dei kyrkjelege inntekterne

heldt fram i 1580-aari.<sup>45</sup> I Bergens bispedøme hadde dei den gamle jordebok fraa fyrsten av 1300-talet, Bergens kalvskinn.<sup>46</sup> I 1585 vart det innretta ei ny fullstendig kyrkjeleg jordebok, motsvarande Povel Huitfeldts for Oslo-Hamar bispedøme. - Baae desse bergenske jordebøkene er enno til, den fraa 1585 i avskrift fraa umlag 1600.<sup>47</sup>

I Trondheims bispedøme var - som fyrr nemt - renta aat domkapitlet og sokneprestane registrert i 1558<sup>48</sup> (dette registret er ikkje lenger til). Og ein visitaskommisjon, som kongen oppnemnde i 1586, registrerte paa nytt presteinntekérne i heile bispedømet i den sokallte Trondheims Reformats, 1589,<sup>49</sup> som sidan vil verta umtala. Men det kann ikkje paavisast, at godset og inntekterne aat kyrkjerne i dette bispedøme er blitt uppskrivne soleis som i dei andre, i reformasjonshundraaret.

Det synte seg, at det var eit feilgrep aa avtaka stiftsskrivar-embeti og overlata uppsyni med provstarne og kyrkjerekneskaparne til lensherrane kvar i sine len sjølve eller ved sine futar. Serleg galdt dette Stavanger bispedøme, som i 1590-aari var fordelt millom 5 lensherrar. Det vart klaga til kongen over, at det her "meget uskikelig og uriktig skal tilgae med Kirkernes Regneskaber, som der samme Sted forhøres, saavel som og med Kirkernes Tiende og anden Rettighed, som af Bønderne uretferdelig gives og gjøres, desligeste med Kirkernes aarlige Rente og Opbørsel, som af Kirkevergerne ikke udi rette Tid oplægges, saa Kirkerne gjøres derudinden ikke ret tilbørlig Fyldest og Skjel."<sup>50</sup>

Desse klagor vedvara stadig frametter, trass i konglege paalegg til lensherrane um aa føra nøyare uppsyn.

Paa 1600talet vart det etter hand igjen innført stiftsskrivarar i dei ymse landsluter - fyrst i Oslo-Hamar bispedøme -, men no med mindre embetsdistrikt enn paa 1570-talet, soleis at arbeidet kunde verta overkomelegt for deim.<sup>51</sup>

## NOTER TIL DEN KYRKJELEGE ØKONOMI

1. DN IX s. 792
2. 1935 22/2 9.15-10. 13 tilh.
3. DN IX nr. 763.
4. Chr. III's Hist. II, 381.
5. N. Saml. I, 17.
6. Berg. Hist. Foren. Skr. No. 11, 1905, III, s. 8: Valestrand 1538.
7. M. Schnabel, Hardanger, bilag I: krossen paa Ænes 1540.
8. Overset av S. M. Skrede, 123 f., 138 f.
9. Chr. III's Hist. II, 379.
10. ib. 380.
11. ib. 380.
12. ib. 379-80.
13. ib. 382-84, for Stav. bpd., etter ordinansen, kristenretten,  
"oc thenndt skick som brugis i Bergen".
14. ib. 379-80.
15. ib. 382.
16. s. 382-83.
17. s. 380.
18. NR I, 124. 132.
19. NR I, 557-8, 1567. II, 119, 174. jfr. III, 688 f. 1602 (reduk-  
sjon) - IV, 30. 1603 (klage av bønderne).
20. Paus, II, 310 = NR I, 124. Jfr. DN XIII s. 790-1.
21. DN XII 644.
22. N. Kirkeord. 1607, bl. 37b. Jfr. Dombog 1578, s. 83-84.
23. NR I, 236 f. 240 f. Jfr. Paus 355. 362.
24. DN XII, s. 814.
25. NR I, 330.
26. NR I, 249. 330-1.
27. DN IV, s. 841 Kirkernes aarlige Landskyld... (Stiftstaden) findes  
i Capitelsbogen Thj. Reformats 1589, s. 347.
28. NR I, 241.
29. NR I, 236.
30. Paus II, 294. NR I, 557.
31. NR I, 236-7.
32. NR I, 650, jfr. 689.
33. ? jfr. NR I, 321.
34. NR II, 62. 64 f.
35. NR II, 64 f. 65 f.
36. NR II, 93-4.

37. jfr. NR II, 94, art. 10.
38. NR II, 93; JNV XXXVI
39. NR II, 219.
40. Norske kyrkjelege jordebøker I, ved S. Kolsrud, 1929.
41. N. kyrkl. jordebøker I,<sup>x</sup>11.
42. NR II, 181-2.
43. N. Stub 177. 179. N. Herredags-Dombog 1578, s. 143.288.295.
44. NHDb 1578, s. 143.234.288.
45. NR II, 422. 519. 550. Jfr. N. kyrkl. jordeb. I, s.<sup>x</sup>9. Oslo  
bispedøme paa nytt 1585/7. SSM 20 og 23 IIII.
46. Jfr. Bergenssynoden 1584 § 37, N. Mag. II, 98, 1589 § 26 ib.247.
47. A. Taranger, Om Eiendomsretten til de norske Prestegaarde, s. 49.
48. DN IV, s. 841.
49. Det Kgl. n. Vid. Selsk. Skr. i 19. Aarh. I, 361 ff.
50. NR III, 378 f., jfr. 328 f. ; jfr. IV, 54. 265.
51. N. kyrkl. jordeb. I, <sup>x</sup>10. NR VI, 462 f. 511.

Tienden.

Viktigst millom dei faste kyrkjelege inntekterne - umfram landskyldi av det benefiserte godset - var tienden.<sup>1</sup>

Den kristne kyrkja hadde teke upp tienden etter gamaltestamentleg fyrebilate. Han var fyrst ei friviljug gaava, men vart med tidi ei fast og sidan lovfesta paabodi avgift. Paa 700talet godkjende ogso staten tienden, men han hadde stadig sitt grunnlag i guddomeleg rett.

I Noreg var tienden innført av Sigurd Jorsalfare fyrst paa 1100talet, etter ein lovnad kongen gjorde i det heilage landet.

Etter romersk skikk delte kyrkja i Noreg tienden i fire luter, til biskop, prest, kyrkja og dei fattige. - Der var tvo slag tiende: ein eigedomstiende ein gong for alle, den sokallte hovudtiende, som sunnanfjells var gjeven ved brudlaup, nordenfjells som sjælegaava, - og ein aarleg innkometiende, mest av dei produktive næringane: jordbruk, feal og fiske, sel - og kvalveiding, og av tre-, jarn-, salt- og stein-bruk. Denne innkometienden var den eigenlege og den viktigaste tienden, og kyrkja arbeidde paa aa faa aarstienden utvida ogso til handverk, leiga og handel, dei viktigaste næringane i byane. Men det lukkast ikkje fullt ut, og tienden kom difor mest til aa kvila paa landsfolket. - I nyare tid er den uriktige meining uppkomi, at korntienden var ei fast grunnbyrda paa jordi, men paa 1500talet hadde aarstienden framleides si gamle meining som tiendes katt av næringsinnkoma.

I reformasjonshundraaret var tienden ei mykje umstridt sak. Under det fyrste reformasjonsføre i MillomEuropa lyfte det seg røyster imot tienden. Det vart sagt han hørde det gamle testamentet til, men ikkje den nye pakts tid. Atterdøyparane i Schweiz jamstelte tienden med okr. Under svermarrørs la i Tyskland nekta folk fleire stader aa gjeva <sup>i/</sup> tēnde. I den tyske bondereisingi i 1525 sa dei schwabiske bønderne seg viljuge til aa svara korntiende, men ikkje fetiende.

Men reformatorane godkjente tienden, baade Luther og Zwingli og i det heile kom tiende-ytingi til aa vedvara som fyrr i den evangeliske kyrkja.

Det same skjede ogso i Danmark og Noreg. Tienden vart halden uppe ved reformasjonen, men det skjede ikkje utan brytningar, og tienden kom ikke kyrkja udelt og uavkorta til gode.

I dei fyrste reformasjonsaari i Danmark braut det fram ein open uvilje mot avgifterne til kyrkja, baade mot tienden og mot andre utreidslor som var komne attaat i tillegg, de sokallte "smaaredsel". Bønderne i Jylland gjorde oppreist og kravde smaa-reidslorne til biskopen avskaffa. Det skjede pa herredagen i Odense 1527, men samstundes vart den fulle tiendeplikt innskjerpt bønderne. Adelen derimot tiltvang seg tiendefridom for sine sætegardar.<sup>2</sup> Dei grunnleggjande reformasjonsloverne fastheldt tiendeplikti i det umfang ho hadde sidan herredagen i Odense 1527.<sup>3</sup> Reformatorarne i Danmark freista faafengt aa faa tiendeplikti fornya for adelen gjennom kyrkjeordinansen;<sup>4</sup> men kongen hadde utrykkeleg tilsagt den danske adelen tiendefridom for sætegardane ved handfestingi 1536,<sup>5</sup> og vaaga ikkje aa røra ved dette privilegium, men nøgde seg med i ord aa formana adelen til aa gjeva friviljug tiende til presten.<sup>6</sup> - Den norske adelen gjorde krav paa den same fyreretten ved kongehyllingi i Oslo 1548.<sup>7</sup>

Visstnok paala kongen - i alle fall i Danmark - dei kongelege slott og gardar tiende til kyrkja, andre til eit godt fyredøme (1542).<sup>8</sup> Men elles kom tiendeplikti etter reformasjonen til aa kvila paa dei upriviligerte standi - bønder og borgarar -, men mest paa bønderne, daa personaltien den i byane snart fall burt.<sup>9</sup>

Alt i 1538 maatte kongen innskjerpa den norske aalmugen tiendeplikti etter gamall sedvane.<sup>10</sup> Men det viste seg, serleg i 1550-aari, at nye formaningar var turvande, daa aalmugen var uviljug baade i Oslo-Hamar og i Trondheims bispedøme og paa Færøyane.<sup>11</sup>

Tienden vart som fyrr svara in natura av hovudnæringane, i form av korntiende, fisketiende, fetiende ( i smør og ost). Andre tiendeslag vart praktisk tala ikkje oppborne av kyrkja her i landet.<sup>12</sup> Riktignok fornya kongen tiendeplikti for industrielle næringsvegar - for sagbruk<sup>13</sup> og bergverk<sup>14</sup> og det paa grunnlag av "Lovbogen og Christenretten"<sup>15</sup>. Men kongen aaleine tok heile denne tienden, som soleis vart ein form for statsskatt og aldri kom kyrkja til gode.

Den luten av den kyrkjelege tienden, som biskopane hadde oppbore, tilfall etter reformasjonen kongen-paa same vis som bispedømet - og vart kalla kronens tiende eller kongetiende. - I visse delar av Noreg, serleg Øvre Telemark, var tienden aldri innført, men bønderne svara den eldre reida, som gjekk til biskopen, kallast biskopsskatt, og vart inndregen av kongen ved

reformasjonen likesovel som bispetienden.<sup>16</sup>

Daa kongen i 1537 innskjerpte aalmugen i Danmark tiendeplikti, sa han med reine ord, at bispetienden skal gjevast "til oss til den christelige religions opholdelse"<sup>17</sup>. Og i Danmark vart kongetienden ogso i stor mun av Christian III nytta til kyrkjelege fyremaal, nemleg til lønstilllegg for superintendentar, prestar og skulemenner, til kyrkior, skular og hospital, og til universitetet.<sup>18</sup>

I Noreg derimot vara det lenge fyrr noko av den gamle bispetienden igjen kom kyrkja til gode paa same maate som i Danmark, og det skjede berre smaatt om senn. Reformasjonskongen slo den norske bispetienden heilt saman med dei andre statsinntekterne<sup>19</sup>, brukte han til sine slott og sveinar, gav han stundom direkte til avlønning av sine tenestemenner<sup>20</sup>, men fylgde i Noreg ikkje Bugenhagens oppmaning til aa lata bispetienden gaa til kyrkjelege fyremaal, fyrr i sitt allrasiste regjeringsaar<sup>21</sup>, i samband med det fyrr nemde upptak til ein allmenn reform i den kyrkjelege økonomi i Noreg, 1558. Daa gav kongen tilvisning paa aa betra inntekterne aat prestane med Tienden og Andet", so sant "de ikke have af Sognet deres tilbørlige Underholdning"<sup>22</sup>. Utan at det uttrykkelgeg vart sagt, var det hermed peika serleg paa kongetienden son kjelda til aa hjelpa paa dei økonomiske kaari aat prestane. Me veit ogso um nokre tilfelle, daa denne utvegen vart nytta i 1558-59, til beste for kyrkjelege embetsmenner og institusjonar.

Kong Christian <sup>III</sup> overlet 28/2 1558 "kronens tiende" av fire syslor paa Island til biskopen i Skaalholt.<sup>23</sup> Christoffer Valkendorf, lensherre paa Bergenhus, la kongetienden av Askøy til soknepresten ved domkyrkja i Bergen ( 27/6 1558)<sup>24</sup> og overlet kongetienden av Voss til skjusshjelp.<sup>25</sup> Hospitalet i Trondheim fekk i 1559 kongebrev av Fredrik II paa kongetienden av Orkdal og Meldal prestegjeld;<sup>26</sup> helvti av prestetienden i Fingvoll og Veøy prestegjeld la same kongen til lønsforbetring ved katedralskulen i Trondheim,<sup>27</sup> og korntienden av tvo syslor paa Island overlet han til biskopen paa Holar til hjelp for skulen.<sup>28</sup>

Men enno var slikt undantak, og det vart stundom gjort umatt, fleire ganger.<sup>29</sup> Det var ikke fyrr i etter 1568, at kongen for aalvor tok til med aa lata kyrkja faa del i kongetienden, serleg fraa 1577 av. Aar um anna vart ei rekkja kongetiendane tildelt ikkje berre verdslege embetsmenner, soleis som lenge hadde vore



tilfelle, men også ofte til kyrkjelege embetsmenn, og ikkje sjeldan til kyrkior til istandsetjing og vedlikehald.

Blandt dei ymse spursmaal som knytte seg til tienden, var det likevel ikkje <sup>v</sup>nok som i Noreg valda slike vanskar som delingsmaaten.<sup>30</sup> I Danmark var tienden i millomalderen delt i tre luter, til biskopen, presten og kyrkja, og tredelingi vart vedhaldi etter reformasjonen, no til kongen og presten og kyrkja. Denne tredeling vart innført i Noreg med den danske kyrkjeordinansen, utan at det vart teke omsyn til den gamle norske firdeling av tienden. Dermed fall i Noreg fattigtienden burt. Den var oppboren av bøndene sjølve til fattighjelp og kallast bondeluten.<sup>31</sup> Bispemøtet i Oslo 1436 la halvparten av bondeluten til hjelp for fattige klerkar til utanlandsstudier,<sup>32</sup> og sidan den tid var bondeluten - i allfall sunnanfjells - forvalta av biskopen.<sup>33</sup> Han vart nytta ikkje berre til vanleg fattighjelp og til fattige klerkar, men òg til sædekorn for fattige bønder, til hjelp for fattige sokneprestar og kyrkior, og for domkyrkja. Enndaa denne skipnaden var stadfesta ikkje berre av paven og erkebiskopen, men jamvel av riksrådet og kongen,<sup>34</sup> gjorde aalmugen på Upplandet seig motstand mot skipnaden i biskop Magnus av Hamars tid,<sup>35</sup> og kong Christian III gav i 1536 bondeluten tilbake til bøndene i dette bispedømet.<sup>36</sup>

Men den danske tredelign av tienden, som var fyreskriven i ordinansen, fekk striden um bondeluten til aa bryta ut att, og no på ~~aa~~ ein ny maate. Baade kongen<sup>37</sup> og presteskapet<sup>38</sup> dreiv på tredelingi, daa den var meir fyremunleg - ein tredjedel er meir enn ein fjordedel -. Men dette vekte stor misnøye og framkalte aalvorlegt motstand hos aalmugen, som heldt hardt fast ved den gamle lovfeste norske firdeling. Og bønderne kunde gjera det med so mykje større rett, som prins Fredrik (II) ved kongehyllingi i Oslo 1548 lova nordmennerne på kongens vegner aa halda deim ved St. Olavs lov.<sup>39</sup> Daa lensherren på Akershus Peder Hanssøn forhandla med bønderne på Tønsbergs lagting og på "landsrettsforsamling" i Oslo 1551, heldt dei hardt på sin rett, og hevda at bondeluten, "som de holde inde hos dennem", skulde nyttast etter gammal sedvane "til hospitalet, husarme og fattigfolks underholdning".<sup>40</sup> Kongen stadfesta firdelingi, 1551, og fyreskreiv - slik som bønderne sjølv vilde hava det - at tienden skulde først til kyrkja og der delast i 4 delar av tvo akta

menner, som lensherren oppnemde.<sup>41</sup>

Daa prestane framleides heldt fast paa tredelingi, sendte aalmugen i Akershus len ein deputasjon til Kjøbenhavn og kravde firdelingi stadfesta av kongen, og dette skjede, 1553.<sup>42</sup>

Soleis enda den fyrste tiendestriden sunnanfjells.  
Merknad.

Um den fjordeparten av tienden som tilkom kongen, gjorde Peder Hanssøns ettermann Jesper Friis (1551- ) avtale med ein del av bønderne, at dei skulde føra den til Akershus, - naturlegvis etter at all tienden var delt ved soknekykja -. Kongen vilde ikkje gjeva noko paabod um dette, men gav lensherren lov til aa skipa det paa beste maaten (1553) og paala seinare (1557)<sup>43</sup> aalmugen i Viki aa retta seg etter lensherren i det stykke. Dette hev ein nyare forf. mistydt og utlagt som det var ein kyrkjeleg aksjon for aa faa heile tienden ført til Akershus og delt der, forat biskopen kunde øva ein viss kontroll over delingi til fyremun for prestane og kyrkja.<sup>44</sup> Noko slikt er det ikkje tale um i kongebrevi, - og det vilde ogso vera eit heilt urimelegt krav, for daa laut prestetienden og kyrkjetienden etter delingi paa Akershus atter førast heim til soknerne, og heilt unandturvelegt, naar ein hadde tvo velvyrde tiendedelarar i kvar kyrkje-sokn -. Det var berre kroneparten av tienden som lensherren vilde ha ført til ein sams stad i lenet, etter at delingi var gjord paa ein sams stad i sokni (ved kyrkja).<sup>45</sup>

Hovudsaki for presteskapet var likevel mindre delingsmaaten anten i 3 eller 4 luter, men at aalmugen i det heile oppfylt si tiendeplikt, ved aa "tiende retfærdeligen". Dermed var meint, at der i tiende verkeleg skulde svarast ein full tiendedel av avlen, og av all slags avl. Der vart til forskjellige tider og paa forskjellige stader utover landet klaga av prestane over at bønderne tiendar like mykje kvart aar, anten aaringen er god eller daaleg, istadenfor aa lata tienden fylgja avlen upp eller ned, - at ei tiendar ikkje av nydyrking, - og at dei gjev tiende berre av korn og sjøfiske, men ikkje av fé og laksefiske. Firdelingen av tienden hadde presteskapet i og for seg ikkje noko imot, naar berre bondeluten verkeleg vart svara jamsides med dei andre tri tiendepartane og verkeleg kom til nytte etter sitt fyremaal etter gamall sedvane, - til hospital, skuledeknar og fattighjelp.<sup>46</sup> Det som presteskapet protestera imot og stadig motarbeidde, var at "bonden sjølv",

d.e. kvar einskild tiendeytar, heldt bondeluten tilbake "hos seg," og soleis berre svara tri kvart av tienden, utan at den siste fjordeparten verkeleg kom dei fattige til nytte.<sup>47</sup>

Som illustrasjon til, korleis tiendesak<sup>48</sup> baud paa ei rekkja uløyste spursmaal, kann tena biskop Hans Gaas's fyrestelling til kongen 1558. Han paatala, at i Finmark, d.e. fra Troms til Vardøhus, fekk korkje prestar eller kyrkior tiende, avdi kongen sjølv her tok alt. Han kravde at allmugen skulde svara fetiende i Trondheims bispedøme. Og at bondeluten skulde først fram og delast i 3 delar: ein til dei fattige i prestegjeldet, ein til fattige skuledeknar, og ein til hospitalet i Trondheim eller til soknedeknen.<sup>48</sup> - Men der skjede ingi forandring i desse stykke,<sup>49</sup> sovidt me veit.

I 1570- aari vart atter spursmaalet um bondeluten brenande, og serleg kvesste det seg til strid i Stavanger bispedøme. Der var aalmugen meir sjølvraadig enn i nokon annan landslut, og prestane førte i 1573 sterke klagor over bønderne, at dei ikkje svara tiende av alt dei burde, - at dei heldt bondeluten tilbake, - at dei gjorde tiendesvik, - at dei ikkje førte tienden fram, - at dei ikkje gav rettigheit og offer, - ja at dei truga og undsa prestane.

Forklaaringi til dette gjev provsten Peder Claussøn Friis i Audnedal i si skrift um tiendestriden i Stavanger bispedøme, 1595, der han samanlikna tidi etter reformasjonen med den katolske tid.<sup>50</sup>

"Udi de Dage var Almuen gandske villige, ok ikke aleniste til deris tiende at udgive, men end oksaa gave de gods ok gaarde selvvillige til kirker ok prester. Saasom det haver verit menneskes vis ok vane fra verdens begyndelse, at de have altid verit mere villige ok flittige til at styrke ok oppholde den religion ok gudstjeneste som haver verit avgudisk, end den som haver verit ret ok sand ok uforfalskit efter Guds ord. Men den tid, de gamle bisper i disse riger bleve afskaffede ok religionen blev muterit ok forandrit, ok Guds rene ord, som var med menneskens dikt ok løgn lenge undertrykt, kom paa fode igjen, da haver det saa storligen mishaget dette lands indbyggere, at de have derav fattit it stort had og uvilje til de evangeliske prester ok ganske predikeembedet, saa at hvis de siden kunde dragit derfra igjen, av det som tilforn var godvilligen tillagt, der haver de gjort al deris flid ok beste til".

Kongen gav prestane i Stavanger bispedøme medhald, 1573, paala bønderne aa gjeva tiende, ikkje berre a~~v~~ korn, men ogsø av fe og laksefiske, sverja tiende-eid til presten og futen, og svara bondeluten til provstarne til hjelp for fattige, skuledeknar og hospitalet i Stavanger.<sup>51</sup>

Daa provstarne ikkje makta aa krevja upp bondeluten, vart det med konglegt samtykke innsett ein oppkrevjar i kvart prestegjeld paa vegner av biskop og kapitel.<sup>52</sup>

Men bønderne gjorde motstand og truga og undsa sjølve biskopen, naar han kom paa visitas, slik at han ikkje lenger kunde fara trygt med sitt fylgje.<sup>53</sup>

Den kongelege stadhaldaren formana bønderne strengt til aa retta seg etter kongebodet, og tok Stavangerbiskopen i si vern.<sup>54</sup> Men daa øvrigheiti gjorde aalvor av aa krevja inn bondeluten, sendte bønderne sine fullmektige til kongen og hevda, at etter gamall sed heldt dei sjølve bondeluten tilbake og delte han ut til turvande menneskje i lenet.<sup>55</sup>

Kongen paala daa stadhaldaren, saman med lagmennerne og andre aa mekla millom bønderne og biskopen og gjera ein rimeleg og kristeleg skipnad.<sup>56</sup>

Møtet vart halde i Skien 1576. Der var stadhaldaren Povel Huitfeldt, adelen og lamennerne sunnanfjells, 13 av dei beste bønderne i Stavanger len, biskopen i Stavanger og 2 av provstane og biskopen i Oslo. Baade presteskapet og bønderne hadde grunn til aa vera nøgde med resultatet. Recessen aat stadhaldaren paala bønderne aa tienda rettferdeleg av all grøda og av storfiske (men nemde ikkje fe og anna fiske), fyreskreiv reglar for korleis tienden skulde skiljast fraa og fòrast fram, sette straff for tiendesvik, og fyreskreiv tiende-eid etter mistanke.<sup>57</sup> Bondeluten skulde bønderne faa hava heime til hjelp for dei fattige i bygdi, men til vederlag maatte kvar bonde utanum tienden yta eit spann korn av kvart mannsverk til skulen i Stavanger - deknspannet.

Men denne semja stod paa veike føter, for det var berre fraa eit av leni, at bønderne hadde vore med paa Skiensmøtet. Daa det galdt aa setja Skiens-recessen i verk i dei andre leni: Lista, Manndal, Nedenes og Raabyggjelaget (= Agdersiden), og der skulde gjerast jordebok for oppkrevjingi av deknspannet, gjorde bønderne motstand, og hos futar, lensherrar og kyrkjeverjor fann prestane her liten stunad. Men dei hadde kongen

heilt paa si sida, og i 1578 gav han lensherrane paa Agder og i Valdres og Hallingdal paabod um aa gjennomføra Skiensrecessen.<sup>58</sup>

Det aaret sendte kongen tre danske adelsmenn til Noreg for aa halda retterting (herredag) saman med stadhaldaren, og daa kom tiendesaki upp over størstedelen av landet.

Stavangerbispen førte tiendekravet fram paa herredagen i Bergen.<sup>59</sup> Herredagen stadfesta deknespannet og paala kongens lensmenn og futar aa halda bønderne til aa tienda rettferdig aat prestane, ja herredagen sendte sjølv eit formaningsbrev til bønderne um aa halda seg som "gode kristne, høviskligen og tukteligen" mot biskopen og prestane og avleggja kiv, trætta, hat og ovund.<sup>60</sup>

Saki kom no i god gjenge i Lista og Manndal; men lenger vara det, fyrr bønderne i Nedenes og Raabyggjlaget gav etter, ikkje minst av di den verdslige øvrigheit der var likesæl, ja beintfram tok parti med bønderne. Difor gjekk reformasjonshundradaaret til ende utan at maalet vart naatt i desse len.

Nordanfjells klaga bønderne i Romsdals len og i Trøndlag over at tienden vart skifta i 3 delar og ikkje i 4 etter sedvane fraa aralds tid. Her tok herredagen i 1578 ei merkeleg imøtekommande stoda og stadfeste firdelingi og gav bonden rett til aa uppebera fjordeparten (d.e. bondeluten) "etter Noregs lov".<sup>61</sup>

I Oslo-Hamar stift møtte aalmugen med det same klagemaalet. Men her gav herredagen 1578 ei avgjerdsla i motsette leid, nemleg at tienden skulde svarast etter ordinansen og delast etter den (dvs. i 3 delar), "eftersom ok allerede hidtil haver verit brugeligt udi desse tvende stifter siden religionen blev reformat". Recessen er ikkje klaart forma, og er mistydd av fleire granskarar<sup>62</sup> som um herredagen stadfesta firdelingi. Men at herredagen meiner aa innskjerpa tredelingi, viser seg av den modifikasjon som vart tillagt: "undertagit K.M. paa deris underdanigste besøgning vil det efterlade". - Som ei stadfesting paa tredelingi vart Oslo-recessen av 1578 ogso forstaatt av herredagen i Oslo 1599, som utrydja leivningar av firdelingi.<sup>63</sup>

Herredagen i 1578 hev daa fullstendit overset, at Christian III stadfesta firdelingi i Akershus len 1551 og 1553, og naar herredagen 1578 kunde innskjerpa tredelingi avdi ho alt var brukeleg i Oslo-Hamar stift, viser det, at den norske firdelingi her alt heldt paa aa verta fortrengt av den danske skikken.

Resultatet av striden um tienden var soleis ikkje ein einaste norm for heile landet. I Bergens bispedøme er sannsynlegvis tredelingi innført tidleg etter reformasjonen.

I Oslo-Hamar bispedøme trengte tredelingi inn jamsides med firdelingi og vart fastslaat i 1578 og seinare heilt gjført.

I Trondheims bispedøme vart firdelingi stadfesta i 1578, og bønderne fekk bondeluten.

I Stavanger bispedøme vart ogso firdelingi staaande, og bondeluten tilfall bønderne, men her maatte dei taka paa seg deknespannet til gjengjeld.<sup>64</sup>

## NOTER TIL TIENDEN

1. 1935 22/2 10.15-11. 13 tilh.
2. DRK III. 1, 294 ff.
3. DKl. I; 1. 6-7. 10-11. 98-99.
4. Khs I; 105-6.
5. DKl I, 1
6. DKl I, 101.
7. Johnsen, Aktst. I, 19.
8. DKl I, 202. Ribeart. 1542 § 13.
9. KLN IV, 575.
10. DN XII nr 588, nordanfjells, NR I, 57, Oslo-Hamar bd.
11. NR I, 124. Oslo-Hamar 1550, 143. Færøyane 1551, 224. Viki 1558, 241. Trondheim, Oslo-Hamar 1558.
12. Tiende av næpor (fraa Sogn) oppkravt av byfuten i Bergen, avteki 1633. NR VI, 516.
13. NR I, 77. 1545.
14. NR II, 81. 1574.
15. NR I, 77.
16. DN. Fyresdal 99. 110.
17. DKl I nr. 9, jfr. s. 6.
18. DKl I, registret.
19. jfr. NR I, 185. 237.
20. NR I, 62 f. 63. 113 f. 243.
21. jfr. Aarsh. Geh. Arch. I, 243.
22. NR I, 236.
23. Lovsaml. f. Island I, 75 f.
24. N Mag. I, 448.
25. N Reg. I, 305.
26. NR I, 256.
27. NR I, 255-6.
28. Lovsaml. f. Island I, 77 f.
29. NR I, 305. 374. 611. II, 57.
30. 1940 17/10 10.15-11. 2 tilh.
31. Namnet finst fyrste gong 1436.
32. NgL 2r I, s. 555.
33. DN II 1053. XII 530.
34. NR I, 3. DN XII 530.
35. NR I, 10.24. DN XII 530.
36. NR I, 48.
37. Paus, 309 = NR I, 124.

38. NR I, 168.
39. DN XIII s. 790.
40. DN XIII, s. 790
41. NR I, 132. 144.
42. NR I, 168.
43. NR I, 168. 224.
44. S.M. Skrede, Presteskaets utvikling til en geistlig stand, s. 128 f.
45. Jfr. NR I, 224, sml. nr. 137; jfr. 197-8 art. 7.
46. DN XII, 814. SDP 557.
47. ib.
48. DN XII, s. 814.
49. Um Finmark sjaa Reformatsen 1589, s. 431.
50. P. Cl. Skr. 224.
51. NR II, 63, 65-66.
52. NR II, 114-15. 1574.
53. KhS 4 IV, 218-9.
54. Bang R 251-2.
55. NR II, 147.
56. NR II, 147. 1575.
57. P. Cl. 227-8. Bang R 254.
58. NR II, 290-1.
59. NHDb 1578, 135-6.
60. s. 138-9.
61. NHDb 1578, s. 200.233.
62. Bang R 101. 193. Johnsen, De norske stænder, 66.
63. JNV 487. Dombog 1599 s. 270-1. NR III, 588-9.
64. P. Claussøns skrift um tienden. UM hovudtienden 1923, 619 f.  
Um Mikkelstoll, Olavstoll 1923, 622 ff.



## Domkapitli

Det er fyrr<sup>1</sup> gjort greida for stillingi og oppgaava aat kapitli ved katedralkyrkjerne i den evangeliske kyrkjeskipnaden, etter reformasjonsloverne, og me hev vore inne paa soga aat dei norske domkapitli i dei fyrste reformasjonsaari.

Her skal i samanheng umtalast den utvikling som domkapitli i Noreg gjenomgjekk fram gjennom reformasjonshundraaret, - ei utvikling som sterkt forandra deira karakter.

Rettstillingi aat domkapitli var ved reformasjonen trygda paa beste maate. Dei fekk sitt gods urørt, og deira privileg og fridomar var stadfesta og forbetra, nemleg ved Christian III's fundats for Kjøpenhamns universitet 1539<sup>2</sup>. Og ved den sokalla nye fundats for same universitet 1571<sup>3</sup> gav Frederik II kapitli i Danmark og Noreg ny stadfesting paa deira privileg, med forsikring um at deira gods skulde "stedse og alltid blive der til uryggelig og ugjenkaldet" av kongen, "under Guds evige hevn og straff".

Paa same maate fekk dei einsskilde kapitel i Noreg fleire gonger kongebrev med vern for sitt gods og stadfesting paa sine privileg, fridomar og statutt: Trondheim 1538<sup>4</sup>, 1561<sup>5</sup>, Oslo 1560<sup>6</sup>, 1568<sup>7</sup>, 1584<sup>8</sup>.

Den store forandring som skjede i den biskopelege administrasjon ved reformasjonen, gjorde at der ikkje lenger vart synderleg plass for kapitli som raad for biskopane. I staden spela no paa den eine sida dei kongelege stiftslensmännerne, paa den andre sida religionsprovstarne ei større rolla attmed biskopane.<sup>9</sup> Ved bispestols-vakansarne var ikkje lenger domkapitli dei sjølvskrivne stiftsstyri. Og etter ordinansen var bispevalretten, eit av dei fornemste gamle kapitels-prerogativ, overført til kjøpstads-sokneprestane.<sup>10</sup> I Noreg, som hadde so faa kjøpstader utanum stiftsstaderne, var likevel den nye ørdningi med bispeval lite høveleg, og her valde difor kapitli biskop som fyrr<sup>11</sup>, - og denne praksis vart, som seinare skal umtalast, ogso tilslutt godkjend i norsk kyrkelov (1607).

Dei evangeliske domkapitel fekk ved reformasjonen tri hovudoppgaavor:

- a) aa halda uppe den daglege gudstenesta - serleg tidetenesta - ved katedralane,

- b) aa vera planteskular for lærde studier, serleg med tanke paa dei viktigare embete i kyrkja,
- c) aa vera domstolar i ekteskaps-saker, og vart det ogso i klerkesaker.

Sin eigenlege raison d'être hadde kapitli fyre reformasjonen havt i det rike millomalderlege gudstenestelivet. Annarleis vart det etter at reformasjonen hadde avskaffa dei store kyrkjefestane og sjælemessorne (aartiderne) ved dei tallrike altarane, og Bugenhagens ordinatio ceremoniarum hadde forenkla tidetenesta sterkt. Teologiske fyrelesningar og predikantverksemd kunde berre delvis fylla ut romet.

I Oslo hadde Hans Rev reformert gudstenesta i 1542 etter ordinansen, og det var i Oslo at katedraltenesta aat kapitlet vart hald<sup>1</sup> uppe med størst truskap ned gjennom tidi. Her stod kantor-embetet lengst ved lag som eit sjølvstendig kyrkjeembete (til 1626)<sup>12</sup> og skipnaden med choralar (chordeknar) som stadfyretredarar for kanikane ved tidetenesta vart jamnan fornya av kongen<sup>13</sup> og haldi ved like av kapitlet<sup>14</sup>.

I Trondheim fann superintendenten m. Hans Gaas "stor bryst paa chorgang" i domkyrkja, og la seg i selen for aa faa kortenesta reorganisert etter ordinansen. Det lukkast honom ogso i 1554 aa faa kanikane til aa forplikta seg til aa varetaka sin skyldnad i dette stykke. Um nokon kanik hadde forfall skulde han skaffa i sin stad "ein .. som er duelig at gaa til chorgang for honom" dvs. ein choral eller ein prest, og dessutan innsetja ein annan prest "som holder hans koristi i kirken" dvs. utfører tidetenesta i hans tur, og som ogso røystar for honom i kapitlet. Ja um nokon var forsømeleg med dette skulde han til og med vera "avskild fraa kapitlet, fraa præbende og gjeld".<sup>15</sup>

Det kann vera tvilsamt um kortenesta aat kapitlet i Trondheim vart haldi ved like so lenge etter Hans Gaas's tid. I 1577 vart kantorembetet slaatt saman med lektoratet<sup>16</sup>, og fraa 1578 skulde domkyrkja vera soknekyrkja, ved sida av Vaar Frue kyrkja<sup>17</sup>. Riktignok heitte det: "kanniketjenesten med sjungen og i andre Maade ligevel uforsømmet"<sup>18</sup>. Men daa denne forandring i 1584 vart sett i verk, og sokneprest og kapellanar kalla<sup>19</sup>, høyrer ein ikkje meir tale um kaniketenesta. Enndaa tidlegare torde kapitli i dei andre stiftstaderne ha slutta med den regelbundne korgangen.

I Bergen og Stavanger vert kantorembetet ikkje meir nemnt etter reformasjonen, og baare domkyrkjorne gjekk snart over til soknekyrkjor, Bergen seinast 1553, Stavanger seinast 1563.<sup>20</sup>

Den siste kantor i Hamar var Truls Olsson som endaa levde i 1556, umlag 100 aar gamall. Men kanikarne slo seg til i sine sokner, domkyrkja btann i sjuuaarskrigen og kom ikkje igjen paa fote, og daa ogso skulen flutte til Vang 1584<sup>21</sup>, var nok kapiteltenesta i katedralen forlengst slutt.

At den eldgamle korgangen aat kapitli etterhand fall burt i Noreg etter reformasjonen, hadde samanheng med fleire inngripande forandringar som gjekk fyre seg i kapitelskipnaden i denne tid.

Röformajsonslovgjevingi innførte residensplikt for alle kanikar undanteke dei som var i kongens tenesta eller paa studiereisa. Ribeartiklane 1542 fyreskreiv: "Hvilke personer som ere forlente med nogre prebender eller kanikedomme, de skulle flötte til domkjerken og residere der hos. og gjøre fönge og tjeniste efter ordinantsens ljudelse, under samme kanikedommers og prebenders fortabäse; undtagne de personer som er udi cancelleriet, rentemestere eller andre vore eigne daglige tjenere, eller de og ere til studium."<sup>22</sup>

Denne strenge regel braut ned gamall norsk tradisjon.<sup>23</sup> Det er tvilsomt um der nokor tid i millomalderen i Noreg hev vore residensplikt for alle kapitelmedlemer paa same tid, i alle fall sidan kannikedömi var knytt til prestekall ute i bispedömet. Riktignok hadde alle kanikedöme kvar sin embetsbustad ved domkyrkja, kanikegardar, men det var visstnok, i alle fall mot slutten av millomalderen blitt det vanlege, at kanikane skiftet med aa residera i bispestaden etter ein fast orden. I Trondheim var det "gamal skik, at tredje parten av alle kaniker skulle hvert tredje aar vere tilstedis og residere hos domkirken".<sup>24</sup> Daa talet paa kapitelsmedlemer her var 18, vart det soleis 6 kanikar som residerte kvart aar. Kapitlet fornya denne skipnaden i 1539, og det soleis at 2 av dei 6 skulde vera fra nordre luten av bispedömet, 2 fraa søre og 2 fraa øystre.<sup>25</sup> Um skipnaden i dei andre bispestaderne fyre reformasjonen hev me ikkje opplysningar, men daa kapitli her talde 12 medlemmer - og derav gjerne eit par var ute paa studium, kann ein tenkja seg at 3-4 hev residert kvart tridje aar, eller 5-6 kvart andre.

No vart det gjort freistnader paa aa gjennomføre residensplikt for alle medlemmer av kapitli, etter Ribeartiklane. Etter samansmeltingi av Oslo domkapitel og kapitlet ved Mariakyrkja i Oslo, under Hans Rev, fyreslo domkapitlet sjølv i 1545 for kongen, at "alle præbender og alterrenter der maa blive skiftet mellem tolv kanniker og deres tolv vikarier, som altid skulle bo og residere hos domkirken".<sup>26</sup> Kongen samtykte i dette og fyreskreiv, "at der skulle 12 av kanikerne holde daglig tjenest og ceremonier udi domkirken."<sup>27</sup> Men dette viste seg ikkje moegelegt aa gjennomføra. I 1551 heiter det, at "nu ere de samme udflyttet paa bygden, der besidder de bedste sogner, og kommer ingen tid hid til kirken". Kanikegardane ved domkyrkja vart ikkje lenger vedlikehaldne alle 12, "nu er der ikke uden 5 eller 6, ok de andre bo ok bygge ander steds i byen, ok akter det sidenefter (til) deres arving ok efterkommer, saa at samme kanikegaarde slet forfalder og ødeleggis".<sup>28</sup>

Kongen innskjerpte difor i 1551 strengt plikti for dei 12 kanikane til aa residera ved domkyrkja og halda sine kanikegardar "ved god hevd og bygning, under fortabelse af kannikedømmet".<sup>29</sup>

Dette paalegg hev utan tvil verka til aa skapa ein betre korporasjonsaand i Oslo domkapitel; det er ikkje noko av kapitli i Noreg, som i den fylgjande tid so ofte og so sterkt fær lagt paa seg sine plikter, og der andsvarskjensla som fylgja av det held seg so levande, som i Oslo.

Kongen innskjerpte atter i 1565 paabodet um aa halda kanikeresidensane istand,<sup>30</sup> og daa Oslo brann i 1567 under sjuaarskrigen, og alle kanikegardane ogso strauk med, stadfeste kongen i 1568 privilegia aat kapitlet, fornya deira gamle rett til bygsel av kapitelgodset - ein rett som lensherren hadde vilja taka ifraa deim, - og gav kapitlet skattefridom i 12 aar, paa det vilkaar at det bygde uppatt domkyrkja og skulen og kanikegardane.<sup>31</sup> Paa same tid gav kongen borgarane i Oslo paalegg um aa hjelpa til med aa setja domkyrkja i stand, daa ho var deira soknekyrkja,<sup>32</sup> - han la Hamar kapitels kommuninntekter til Oslo domkyrkja i nokre aar, - og bispetienden av Tune, som domkyrkja hadde havt i 200 aar, fekk ho tilbake.<sup>33</sup>

Kort, kongen viste i desse vanskelege tider stor umsut for dei kyrkjelege institusjonane i det krigsherja Oslo, for at alt atter maatte koma paa fote.

Denne umsut strekte seg ogso til det gamle bispesætet paa Hamar, som var herja av svenskane paa same maaten som Oslo, - i 1569 var det til og med paa tale aa rekonstruera Hamar kapitel og lata det igjen komme udi sin "Skik og ordning som før har været".<sup>34</sup> Hamar domkyrkja skulde setjast i stand fyrst paa kostnad av kapitelkommunet i 3 aar, sidan fekk ho hjelp av kyrkjetendar fraa bispedømet.<sup>35</sup> Men enndaa byggearbeidet hadde god framgang, vart rekonstruksjonen av Hamar kapitel som ein residerande og tenestgjevande korporasjon oppgjeven.<sup>36</sup> Skulen og bustader for "Presten" og skulemeisteren skal byggjast uppatt, men der er ikkje lenger tale um kanikgardar ved domkyrkja. Sidan 1575 var kommunrenta tillagt Hamar skule<sup>37</sup>, og fylgde den, daa skulen i 1584 vart flutt til Vang og i 1602 slaatt saman med Oslo skule.<sup>38</sup> Den brandlidne domkyrkja tok og skade "af stor Regn siden haver verit", ho "staar ikke til at hjælpe og holde ved magt uden mærkelig stor Bekostning", og i 1584 vart ho overlati til seg sjølv, slik "den nu staar paa en øde Plads og ingen Søgning der er til".<sup>39</sup>

Den djupaste orsak til denne oppløysing var at Hamar ikkje lenger var bispesæte. I Oslo kapitel var derimot den kyrkjelege aand sterk og levande og i vokster. Ein møter her ein kraftig reaksjon mot den utvikling, at kongen i dei seinare aar gav burt fleire og fleire kanikdøme til personar som var fritekne for residensplikt som kongelege tenestemenn, - folk som berre drog inntekterne av kanikdømi og prebendorne utan i det heile aa bry seg um sine andre skyldnader som kapitelsmedlemer. Dette framkallte stigande uvilje hos dei residerande kanikarne som oppfylte sine embetsplikter fullt ut. Atter og etter kravde Oslo kapitel, at dei fraaverande skulde halda ein choral i sin stad i kyrkjemessa, og tilstja kyrkjelege - ikkje verdslege - umbodsmenn (procuratorar) til aa varetaka sine interessor og plikter ved kapitlet.<sup>40</sup>

Der vert i 1570-aari stadig klagar over, at der "neppeligen" er so mange residerande kanikar i Oslo, at dei kann halda uppe tenesta i domkyrkja og høyra ekteskapssaker og elles gjera tenesta og syngje, som kanikar burde, "hvorover kapitlet med Tiden bliver øde og Residentserne forfalde".<sup>41</sup> Naar kongen difor innskjerpte skyldnaden til aa halda kanikgardane istand

og til aa residera i stiftsstaden, for aa bøta paa dette mis-  
høve<sup>42</sup>, kunde kapitlet med full rett gjera merksam paa, at  
skaden laag deri, at "mange baade neder udi Danmark og anden-  
steds, skulle være forlente med kannikedømmer og ikke residere"<sup>43</sup>  
- og kunde krevja at kongen "ingen præbender ville forlene til  
noegen, med mindre de skulle være forpligt at bo hos domkirken."<sup>44</sup>

I 1580 oppnaadde Oslo kapitel verkeleg Fredrik II's stadfes-  
ting paa Christian III's skipnad, at der skulde vera 12 reside-  
rande kanikar i Oslo, og det vart paalagt dei fraaverande  
kanikar i kongens tenesta aa halda køralar og byggja sine  
kanikegardar; etter si tenestetid ved hove skulde dei busetja  
seg og residera ved domkyrkja, - eit paalegg som det nok var  
lett aa koma undan, for kongen kunde av serleg orsak fritaka  
fraa det.<sup>45</sup>

I Trondheim freista biskop Hans Gaas ikkje berre aa fornya  
korgangen, men ogsaa gjenomføra det kongelege paabodet i Ribe-  
artiklane um at alle kanikane - her 18 - skulde residera ved  
domkyrkja. Men det var faafengt for honom aa faa kapitlet til  
aa avvika fraa sin gamle sedvane med tri-aarleg skifteresidering,  
og det var med full rett dei heldt seg til den: "Saa haver gamle  
forfedre overveget landsens lelighed, saa at uden kirkens og  
almogens stor fordervelse kan ikke alle kaniker aarlige residere."<sup>46</sup>

Enno i 1572 stod alle 18 kanikgardane i Trondheim, - kvar  
medlem av kapitlet hadde sin.<sup>47</sup>

I Bergen og Stavanger kom kanikeresidensane i forfall tem-  
meleg snart etter reformasjonen.

I Bergen var heile det kyrkjelege centrum ved slottet rasert  
i 1531, og bispesætet var flutt tvo gonger, fyrst til Munkeliv,  
sidan til Olavskyrkja (Minoritkyrkja) i Vaagsbotn. Difor var  
det ikkje aa undra over, at kanikane raadde seg til private hus  
i byen og let<sup>d</sup>ei "rette" kanikeresidensane liggja"øde og ubygte"<sup>48</sup>  
- Men daa Graabrødre-klostret viste seg aa vera for stort til  
residens for superintendenten aaleine<sup>49</sup>, overlet Jens Skjelderup  
med kongens samtykke i 1565 ein del av klostret til bustad for  
residerande kanikar, men um husi vart nytta, er ukjent.<sup>50</sup>

I Stavanger var kanikegardane komme heilt i forfall, slik at  
til og med sume av tufterne var fraakomme og byfuten tok leiga  
av dei.<sup>51</sup> Det var difor lite gagn i at kongen i 1570 innskjerpte  
residensplikt for alle kanikane i Stavanger. Paalegget var her

retta imot dei kapitelsmedlemer som var "Prester paa Landet boende", og som ikkje residerte ved domkyrkja og der gjorde syngje og tenesta som andre kanikar etter kapitelsstatutt og kongebrev.<sup>51b</sup> Paabodet let seg ikkje halda uppe, og alt i 1571 samtykte kongen i, at dei 12 prebendorne i Stavanger skulde kunna tildelast ikkje berre "de som vil bo og residere hos Domkirken", men og til "de Prester der have Søgne paa Landet og ere saa lærde og duelige, at de kunne hjælpe Lensmanden og Superintendenten i nogle synderlige Sager, om Behov gjøres".<sup>52</sup>

Under disse tilhøve var det ikkje aa undra over at mensa communis - det kanoniske felles bordhald i kapitlet - gjekk til grunne. I ordinansen var det uttrykkeleg tillate kani kane aa treda inn i ekteskap og setja fot under eige bord.<sup>53</sup> Etterkvart som det skjede, vart det felles bordhald oppheva, og inntekterne til fellesbordet (kommunrenta) heretter fordelt millom kanikarne.<sup>54</sup> Fyrst skjede dette vistnok i Oslo.<sup>55</sup> I 1550-aari vart den same ordning gjennomført i Trondheim.<sup>56</sup> Og i 1550-aari hev utan tvil felleslivet ogso teke ende i Stavanger<sup>57</sup>, Bergen og Hamar

I alle bispestader vart daa kommungarden aat kapitlet ledig, - anten vart han teken til anna bruk, eller han fekk staa og forfalla.

I Trondheim segjer Hans Gaas i 1558, at hvadt ufyrn (d.e.. valdsgjerningar) som skeer i samme kommunehus, kan jeg ikke skrive".<sup>58</sup> Felleslivet var daa oppløyst, og kva huset sidan var nytta til, er ukjent.

I Bergen bygde kapitlet i 1550-aari kommunehuset uppatt, men overlet det sidan, fyre 1571, til prestane ved domkyrkja.<sup>59</sup>

I Stavanger var kommungarden "ødelagt" fyre 1570, og biskop Jørgen Eriksson fekk i 1574 skøyta paa tufti av kongen.<sup>60</sup>

I Oslo og Hamar strauk visseleg kommunegardane med i branden under krigen og vart ikkje bygt upp att. I Oslo fanst i 1579 berre tufti, som kongen overlet biskopen til hans residens.<sup>61</sup>

Med oppløysingi av felleslivet og forfallet av kanike-residensane og kommunegardana gjekk ogso den millomalderlege skifteresidering av bruk.<sup>62</sup> Lengst vedvarende den i Trondheim, - ho var framleides skikk i 1558.<sup>63</sup> Residensplikt for alle kapitelsmedlemmer let seg ikkje gjennomføra i Men i staden skilde det seg ut ein kjerne av eit fast residerande kapitelspresteskap, nemleg dei kapitelsmedlemmer som hadde fast embete i kyrkja og

skule i stiftsstaden: sokneprestar og kapellanar ved domkyrkja og andre soknekyrkjor, slottsprest, kantor, lektor og rektor, stundom òg ein og annan kanik som hadde teke avskil fraa sitt hovudembete, og dertil superintendenten, som no ved alle bispestolar innehadde eit av kanonikati.

Det er noko ulikt, kva for embetsmenn som denne krinsen av fast residerande kanikar kom til umfata i kvar bispestad. I den fyrste tid var visstnok krinsen ikkje heilt<sup>t</sup> uforanderleg, daa sume av kanonikati var aa rekna for personlege. Men daa kanikepræbendorne etterhand vart fast knytt eller "perpetuert" til eit embete i stiftsstaden, fekk krinsen av residerande kanikar fast avgrensing.

I Oslo var det fyrst paa 1600-talet: superintendenten, kantor, lektor, soknepresten ved domkyrkja, rektor, og slottspresten paa Akershus.<sup>64</sup>

I Trondheim reknast i 1601<sup>65</sup> fylgjande 8 for "de rette residerende kanniker udi Byen": Superintendenten (som var Decanus), Cantor og Lector ( i ein person<sup>66</sup>), Archidiaconus, de tvende Pastores (d.e. sokneprestar) til Domkirken og til Vor Frue Kirke, de tvende Diaconi (d.e. kapellaner) til Domkirken og Vor Frue Kirke med Kordegnen der sammesteds (d.e. rimelegvis den 2dre kapellanen ved domkyrkja<sup>67</sup>).

I Bergen var i 1562 fem kanikar knytt til sjølve domkyrkja, nemleg superintendenten, soknepresten og kapellanen ved domkyrkja, lesemeisteren og skulemeisteren (dvs. lector og rector)<sup>68</sup>. Men ogso sokneprestane ved Krosskyrkja, Mariakyrkja og Mortenskyrkja var medlemmer av domkapitlet paa 1560-talet.<sup>69</sup> Og paa 1600-talet hadde biskopane dei fleste av prestane i Bergen, lector, rector og medicus (d.e. stadsfysicus) sæte i kapitlet<sup>70</sup>.

I den lille bispestaden Stavanger var det fire (- fem) residerande kanikar: superintendenten, soknepresten og kapellanen ved domkyrkja, skulemeisteren (og stundom ein høyrar ved skulen).<sup>71</sup>

I den fyrste tid etter reformasjonen viste det seg ein tendens hos kapitli til aa redusera talet paa kanikar og prebendarier for aa auka inntektene aat kvar kanik. Det hendte oftare at ledige kanonikat, vikariat og præbendor vart fordelt millom dei sitjande kanikane og soleis ikkje kom andre til gode, eller at fleire prebendor vart samla paa ei hand. Kongen søkte aa



hindra slikt.<sup>72</sup>

Daa det felles bordhald fall burt, vart det spursmaal, um kommunrenta skulde tilfalla berre residerande kanikar eller fleire medlemmer av domkapitlet. I Bergen og Stavanger gjekk det i den fyrstnemnde leid: I 1562 var det klaga fraa Berge~~ø~~ over at superintendenten Jens Skjexlderup og domkyrkjekanikane tok og delte millom seg baade kommunrente og dei ledige vikariedøme og prebendor. I Stavanger fann sume at soknepresten ved domkyrkja den fyrre superintendenten Jon Guttormsson samla for mykje av kommungodset<sup>73</sup> og prebendorne paa si hand, samtidig som det vekkte forarging, at prebendor vart gjevne til verdslege personar.<sup>74</sup> I slutten av 1560-aari skjede det fraa andre medlemmer av kapitlet ein freistnad paa aa hindra baade slik kumulering og sekularisering. Leidaren av denne opposisjon var ein landsprest, hr. Rasmus Tordsson, sokneprest i Torvastad paa Karmøy; det lukkast honom paa ei ferd til Kjøbenhavn aa faa kongen paa si sida; men altsame aaret lukkast det hr. Jon Guttormsson aa faa avgjersla gjort um att, 1570.<sup>75</sup> Etter tilraading fraa den nye superintendenten m. Jørgen Erissøn fyreskreiv kongen i 1571 ei fast fordeling av kommuninntektene millom superintendenten og kyrkje- og skuletenarane i bispestaden.<sup>76</sup> Klaga over hr. Jon Guttormsson var teki uppatt i 1574, denne gong av dei andre residerande kanikane i Stavanger.<sup>77</sup> Men tilhøvet vart visseleg ikkje retta fyrr ved hans daude i 1577.<sup>78</sup>

Enndaa kapitli hadde faatt si rettsstilling som kyrkjelege korporasjonar trygda paa beste maate av kongen, truga det deim ein aalvorleg faare for gradvis sekularisering. Det vart snart sedvane, at sume kanonikat og <sup>prebendor</sup> i kapitli vart tildelt lækmenner<sup>79</sup> som løn eller lønsforbetring: til kongelege kanselliskrivarar, slottsskrivarar, tollarar, proviantskrivarar, stiftsskrivarar, bergarmeistrar, raadmenner, lagmenner og hovmenner. Det er ingen ny praksis, men ein gamall som vedvarer under nye vilkaar. I den kongelege forvaltning var fyre reformasjonen ogso tenestemenner lønt med prebender og kanonikat, og det er denne ordning som held fram. Men i millomalderen var desse folk klerkar - dei kongelege skrivarane var alt fraa den eldste tid klerkar -, og det var aldri anna enn klerkane millom kongens tenestemenn som fekk si løn paa denne maaten. Men etter reformasjonen var dei kongelege skrivarane lækfolk, - det gjorde skillnad. Og grensa for dei som fekk kanonikat og prebendor i løn, vart utvida

etter reformasjonen.

Sekularisering av denne art gjekk sterkest fyre seg i Oslo, - tradisjonane fraa det kongelege kapell Mariakyrkja verka i den leid. Etter at dei siste katolske kanikar og præbendariar var avgaatt ved døden, vart deira beneficier i fleire fall overdregne til lækmenner.

Den fyrste var vel Noregs rikets kanslar Peder Huitfeldt, utnemnd 1547, etterfylgjaren til provstane ved Mariakyrkja; han hadde St. Catharinæ præbende ved Oslo domkyrkja.<sup>80</sup> I 1552 fekk kanselliskrivaren Jens Thomessøn eit kanikdøme med præbende i Oslo Domkyrkja, og samtidig eit kanikdøme med Heilag lekams altar i Hamar domkyrkja etter soknepresten paa Ringsaker mester Annstein Jonsson.<sup>81</sup> I 1557 gav kongen Frans Villumsson, tollar paa Kjøpenhamns slott, ventebrev paa kanikdøme i Oslo domkyrkja og Gjerpens soknekall og prosti etter hr. Engebret, mot aa halda ein lærd mann som sokneprest i Gjerpen.<sup>82</sup> Etter Frans tollar gjekk dette store beneficium fraa mann til mann i Danmark i ei lang rekkje aar: til professor Erasmus Lætus i Kjøpenhamn, til den kongelege sekretæren Absalon Juel til Meilgaard, til rektor ved Fredriksborg skule mester Anders Vedel, til renteskrivaren Hans Simonssøn, til renteskrivaren Christoffer Ivarssøn osv.<sup>83</sup> - Eit anna kanonikat i Oslo, som den gamle kantor hr. Anders Ottersson hadde havt, vart fyrst nytta til studiestipendium for tvo unge nordmenn,<sup>84</sup> men deretter gav kongen det i 1567 til sin proviantskriver Olaf Huldt,<sup>85</sup> so til renteskrivaren Hans Meckelborg, som hadde det i 50 aar,<sup>86</sup> og deretter kom dette kyrkjelen til den kongelige vinskjenken Christen Skammelssøn, 1623<sup>87</sup>. - Mange andre døme kunde nemnast. - I Hamar fyrekom fleire liknande tilfelle.

I Stavanger tok det til aa gaa same vegen. Hr. Jakob Præstø, slottsskrivar og Kapellan paa Bergenhus, fekk i 1552 kongebrev paa eit kanikedøme i Stavanger domkyrkja med Manndals prestegjeld, mot aa halda ein god lærd mann til kapellan i Manndal.<sup>88</sup> Hr. Jakob var ein skrivarklerk av den same typen som i millomalderen. Men paa 1560-talet var fleire præbendor i Stavanger komme paa lækmenners hender, utan kongebrev, - "Skrivere, Hofmænd og andre", som aldeles ingen Tjeneste gjøre udi Kirken".<sup>89</sup> Desse folk vart til og med, i 1564, tildelt part i kommunrenta.<sup>90</sup> Det var Jens Persson skrivar, lagmann i Stavanger og Laurits

skrivar paa Bergenhus; i 1568 fekk lagmannen i Stavanger Christoffer Nilsson Grøn kongebrev paa ei præbenda.

For gode kyrkjemenn i samtidi tok det seg ut som eit heilabryt, aa overlata kyrkjelege beneficier og inntekter til lækfolk. I si dagbok 1564 gjev Absalon Pedesson eit hjartegripe uttrykk for si sorg over dette, i ei brannande bøn til Christus um aa fria si kyrkja ut fraa denne verdslege galskap og Satans villa.<sup>92</sup>

Den nye superintendenten i Stavanger mester Jørgen Eriksson skreid her straks inn. I 1571 samtykte kongen i at ingen skulde forlenast med nokor av dei 12 præbendorne ved domkyrkja "uden han har Lensmandens og Superintendentens Vidnesbyrd, at han er saadan Præbende værd". Som fyrr nemnt, kunde det utnemnst ikkje berre slike som vilde residera ved domkyrkja, men og lærde og dugande landsprestar, og i 1574 vart fire nærbuande provstar og præstar tildelt kvar si præbenda ved Stavanger domkyrkja; dei skulde tiltreda kapitlet naar geistlege saker var fyre og soleis vera til hjelp for biskopen.<sup>93</sup> I Stavanger synest det aa ha lukkast vel med aa halda lekfolk utanfor kapitlet. I 1605 talde kapitlet 9 geistlege brødrar;<sup>94</sup> naar dertil reknast dei som vel hev havt præbendor til studium, synest talet vera fullt.

I Bergen synest det ha vere lite med sekularisering av præbendor og kanonikat. Berre eit par døme fyrekjem paa 1560-70-talet.<sup>95</sup>

I Trondheim var alle kanonikat og præbendor paa geistlege hender til 1566. Daa vart fyrste gong eit kanonikat her sekularisert, og tillagt skrivaren paa Trondheimsgard, og aaret etter ei præbenda.<sup>96</sup> Men det var og alt i 1560-70- aari.

Paa 1600-talet vedvara sekularisasjonen av kapitels-beneficier og vart utvida.

Kvart kapitel i Noreg hadde i millomalderen eit eller fleire prælatur. Desse overlevde berre delvis reformasjonen som sjølvstendige embete.

Dekanat fanst i Trondheims og Bergens kapitel. I Trondheim vart det tillagt superintendent-embetet, avdi den fyrste superintendenten hadde vore decanus, og dette prælatur fylgde sidan bispestolen.

Erkedegnedøme, eller erkeprestedøme, som alle kapitel hadde fyre reformasjonen, vart burte eit for eit. I Bergen, der den siste katolske erkedeknen Geble Pedersson vart superintendent,

fylgde erkedegnedømet bispedømet i hans tid. Men daa han døydde i 1557, vart baade bispestolsgodset og erkedeknedøme-godset (St. Hans klosterns gods) inndrege, og dermed var dette prælatur sekularisert.

I Trondheim stod erkedeknedømet ved lag like til 1613, daa det vart gjeve til ein lækmann, og dermed sekularisert.<sup>97</sup>

I Oslo var erkeprestembetet til utigjenom 1540-aari, men vart sidan ikkje uppehalde som eigen titulatur. Heller ikkje i Hamar er det tale um nokon erkedekn etter reformasjonen. Derimot bar seinare eit av kapitelsmedlemmerne i Oslo titelen decanus capituli, (1590).<sup>98</sup>

I Stavanger var der ikkje nokon erkedekn i den fyrste tid etter reformasjonen, men titelen vart teken uppatt i 1608, og vart daa boren av hr. Peder Claussøn Friis, sokneprest i Audnedal, som medlem av kapitlet.<sup>99</sup>

Kantorembetet er fyrr umtala.

Ved reformasjonen vart samansetjingi av kapitli etterhand ei annor enn fyrr. Fleire nye embetsmenn fekk sæte i kapitli. Dei kongelege lensmännerne skulde etter reformasjonsloverne døma i kyrkjelege saker, og det saman med domkapitli.<sup>100</sup> Dei førte forsætet i kapitelsdomstolane. Dei var ikkje medlemmer av kapitli, med mindre dei hadde kanonikat, - som stundom var tilfelle i noko seinare tid.<sup>101</sup>

Superintendentane hadde etter reformasjonen anten eit prælatur eller eit kanonikat med præbende, og var soleis faste medlemmer av domkapitli. Det hadde ikkje biskopane vore fyrr. Superintendentane hadde fyrste romet i kapitlet, med mindre den kongelege lensherren var tilstades.

Næst etter superintendent og archidiaconus kom lector theologiæ. Lektorati som kapitelsembete var innført ved kyrkjeordinansen. Som fyrr nemnt vart det tidleg skipa tri teologiske lektorat i Noreg, i Oslo 1546/9, i Bergen 1553, i Trondheim 1553. Fleire lektorat fekk me ikkje i reformasjonshundradaaret, Hamar kapitel hadde ingen lektor, og i Stavanger vart lektor fyrst tilsett i 1621.

Blandt lektorane i Trondheim er det ingen som utmerker seg, men i Bergen og Oslo møter me tvo lysande namn<sup>102</sup>, Absalon Pærdersson Beyer, lektor i Bergen 1552-74, og mester Hallvard Gunnarsson, lektor i Oslo 1577-1608.

Vidare kom som faste kapitelsmedlemmer sokneprestar og kapellanar ved soknekyrkjorne i byane, - desse hadde i millomalderen meir undantaksvis havt sæte i kapitli, - og fyre reformasjonen var domkyrkjorne i det heile ikkje soknekyrkjor.

Skulemeiseren, rector schola, hadde fyre reformasjonen aldri vore kanik. No vart det etterhand regel at ogso han skulde høyra til kapitlet. Men sjeldan nokon annan av lærarane ved skulen.

Fleirtalet av kapitelsmedlemmer fyre reformasjonen var sokneprestar paa landet rundt i bispedømi. Det var serleg visse større soknekall som soleis var knytt til kapitli, dei sokalla kanikegjeld. Men daa skifteresideringi ved domkyrkja tok slutt og det kom upp ein krins med faste residerande kanikar i bispestaden, fekk landskanikane meir sjeldan høve til aa koma inn dit, helst berre til sesjonar i kapitelsdomstolen, serleg daa dei som budde nærmast bispestaden (jfr. Stavanger).

Reformasjonen hev soleis verka til aa bryta av det gamle band millom land og by, som den norske kapitelskipnaden med si skifteresidering utgjorde, og bypresteskapet vart dermed meir isolert fraa landspresteskapet enn turvande var.

Paa den andre sida søkte dei norske kapitlai aa hindra at bandet millom kanikedøme og kanikegjeld skulde losna. Hamar kapitel fekk i 1575 stadfesting paa sin gamle kallsrett til kanikegjeld.<sup>103</sup> Og Tronheims kapitel oppnaadde i 1578 kongebrev paa at dei sokner som var komme ifraa kapitlet, "skulle igjen dertil komme".<sup>104</sup> Trondheims kapitel arbeidde heilt planmessigt med dette, og det syntest som det til og med etter reformasjonen vart knytt fleire kanikegjeld til kapitlet enn det hadde vore fyrr. I 1618 rekna Trondheims kapitel seg aa hava kallsrett til 24 gjeld og sokner der i bispedømet.<sup>105</sup>

Etterkvart som dei evangeliske domkapitli i Noreg gav upp koragangen i domkyrkja og soleis lagde til side sine daglege liturgiske plikter, kom til gjengjeld deira lærande og dømande funksjonar til aa staa som det eigenlege fyremaalet med kapitelskipnaden.<sup>106</sup>

I Stavanger kapitelsbok 1571 er det formulert "kvifor kanikekollegiet er skipa og knytt til biskopane ved domkyrkjorne", og deira oppgaaever er her avgrensa til desse tvo stykke:<sup>107</sup>

1. At dei, framum andre menneskje, vel og grundig skal studera og forklaara for andre den kanoniske skrift eller læra um Gud som er overlevert i dei heilage bøkene, og vakta og utbreida den einaste sanne Christi religion rein og uforfalska, og kraftig forsvara henne som sanning imot villfaring og ovtru.

2. At dei, saman med biskopane, skal segja dei kyrkjelege domarne som er naudsynlege til aa avgjera strid um dogmi, og til aa verna reinleiken i læra, og den kristne tukt, og til aa gjeva semja, og aa forsvara prestar, og til andre saker.

Det fortener aa leggjast merke til, at kyrkjelæra, og det i bibelsk og dogmatisk reinleik, og einskap, so sterkt vort understreka. Dette er i samsvar med eit aalment drag i den kyrkjehistoriske utvikling - i Noreg og Danmark som i alle evangeliske kyrkjer i tidi etter reformasjonsgjenombrotet. Me skal sidan fylgja denne utvikling hjaa oss i samanheng. - Jamsides med biskopane vort daa domkapitli rekna for dei viktigaste lærorgan i den norske kyrkja, - likesom dei høglærde ved universitetet i Kbh var det for den danske og den norske kyrkja saman.

Nokon dom um det teologiske nivaa i dei norske domkapitel i deira fyrste evangeliske periode er vanskeleg aa fella. Merkelegare skrifter av teologisk eller filosofisk innhald hev dei lærde menn i den norske kyrkja i reformasjonshundradaaret ikkje etterlate; deira verksemd heldt seg paa det jamne, og um dei hadde vidaregaaande interessor, gjekk dei heller i humanistisk eller polyhistorisk leid.

I fyrste rekkja var det superintendentar og lektorar som kom til aa utøva den kyrkjelege lærefunksjon: Superintendentane, gjennom sine preikor i domkyrkja og paa visitas (større homiletiske arbeid hev me fraa superintendentane magister Jens Nilsson i Oslo-Hamar og magister Jørgen Eriksson i Stavanger), dinæst ved latinske fyrelesningar over teologi eller filosofi ved domkyrkja for kanikar, prestar og skuledisiplar (Jens Nilsson hev gjeve ut tvo prøvor paa slike fyrelesningar som han heldt over Genesis, 1583 og 1597),<sup>108</sup> og endeleg ved hyrdebrev til prestane (eit slikt lærebrev hev me fraa Jens Nilsson 1581)<sup>109</sup>. Lektorane ved si teologiske undervisning for skuledisiplane, visstnok oftast paa grunnlag av lærebøker av danske eller tyske teologar,<sup>110</sup> stundom ogso med studnad i læremidlar som dei sjølv forfatta (lektor i Oslo magister Hallvard Gunnarsson hev gjeve ut fleire slike i prenten, 1596-1606). -

Av stor praktisk verdi var dinæst den offentlege prøva som superintendenten etter ordinansen<sup>111</sup> - vistnok saman med kapitlet<sup>112</sup> - heldt med prestane fyre ordinasjonen (bispeeksamen). Og det same gjeld overhøyring av ulærde prestar i embete under stiftssynodar ved capitulares og andre synodemedlemer.<sup>113</sup>

Fundatsen for Kjøpenhamns universitet 1539 hadde sett tvo aars studium ved dette universitet som vilkaar for aa oppnaa prælatur eller kanonikat.<sup>114</sup> Kongen tok desverrre tilbake denne fyreskrift alt i 1542.<sup>115</sup> Men til gjengjeld vart den gode gamle regel, at kapitli (og klostri?) heldt nokre av sine medlemer ute paa universitets studium fornaya og gjort gjeldande, fyrst for kapitli og klostri i Danmark, 1541 og 1557<sup>116</sup> og deretter ogso for kapitli i Noreg, 1558<sup>117</sup>, - ein eller tvo personar fraa kvart kapitel: Trondheim 2, Oslo 2, Hamar 1, Bergen 2, Stavanger 1, ialt 8, skulde stadig haldast paa studium i Kjøpenhamn, og det slike "som der er Haab om kunne tjene Religionen enten ved at være Læsemester eller i anden Maade." At dei norske kapitel oppfylt sin skyldnad i dette stykke, i alle fall ei tid frametter, viser m.a. mester Absalon Pederssons dagbok fraa Bergens kapitel.<sup>118</sup> - Men nokor effektiv og varig ordning synest desse kapitelstipend ikkje aa ha blitt. Istaden hev kongen sjølv stundom, etter søknad, utdelt studiehjelp paa annan maate, anten prebendor, eller tiendar, eller inntekter av nedlagte kyrkior, eller skattefridom. Paalegget til kapitli um aa halda stipendiatar vart ikkje fornaya sidan. Baade i Danmark og Noreg er - som det synest - kapitelstipendia blitt avløyst av plassar ved det frie kostbord for 100 studentar ved Kjøpenhamns universitet, Kommunitetet, som Fredrik II grunnla med dansk kyrkjegods i 1569. Av dei 100 kommunitetsalumnarne var i den fyrste menneskealder gjerne 8-10 um aaret nordmenn; fraa 1607 var talet ved lov fiksert til 12,<sup>119</sup> fordelt paa dei norske bispedøme med 4 fraa Trondheim, 4 fraa Oslo, 2 fraa Bergen og 2 fraa Stavanger.

Den mest regelbundne og etterhand viktigaste funksjon aat kapitli var den dømande.<sup>120</sup> Kapitli var hovudorgani for den kyrkjelege jurisdiksjon so lenge den stod ved lag, til 1889. Umraadet for deira domsmynja var avgrensa til saker um ekteskap og sædskap, saker mot prestar um deira livnad og embetsførsle og læra, um tretta millom prestar og allmugen og millom prestar innbyrdes, og elles saker um kyrkjeleg uorden, gudsspotting,

trolldom, vranglære.

Fraa reformasjonshundraaaret fyreligg det dombok fraa Stavanger kapitel sidan 1571.<sup>121</sup> Inntil 1600 er det her registrert umlag 160 fyrehavde saker; av dei er umlag tri fjordeparter (118) sedskapssaker; 27 gjeld prestar, 7 trolldom etc. Av prestesakerne var det ingi som galdt læra.- Nokolunde same tilhøve millom tali paa sedskapssaker og prestesaker viser ogsa Bergens bispedøme fraa 1605.<sup>122</sup>



## NOTER TIL DOMKAPITLI

1. 1935 1/3 9.15-10. 10 tilh. Kap. IX, 6.c.
2. DK1 I, 36-8
3. Rørdam, Kbh. Univ. Hist..IV, 235. - Stavanger Domkapitels Protokol s. 1.
4. DN XI nr. 647
5. NR I, 310.
6. NR I, 295.
7. NR I, 594.
8. NR I, 558-9.

---

9. DK1 I, 123
10. DK1 I, 116-7
11. jfr. N. Kord. 1607, bl. 87<sup>v</sup>.
12. NR V, 535, VI, 538.
13. NR II, 22, 1572; 161, 1575; 387, 1580; 719, 1587.
14. jfr. Oslo kap. forh. 1609-16, bl.a. s. 134, 1615.
15. DN XII nr. 654.
16. NR II, 211. III, 439.
17. NR II, 288-9.
18. s.289
19. NR II, 562-4. 601.
20. Bang GR 166.235.
21. NR II, 559.
22. DK1 I, 206.
23. DN XII 654.
24. DN XII 654.
25. DN XII 594.
26. NR I, 81.
27. DN XIII 700 §9.
28. DN XIII 700 §7.
29. NR I, 133. 134.
30. NR I, 458 f.
31. NR I, 593.
32. NR I, 592.
33. NR I, 593 f.
34. NR I, 639.
35. NR II, 19. 20-22. 166-7.
36. NR II, 166.
37. NR II, 21 jfr. 166-7.
38. NR II, 559. III, 701 f.

39. NR II, 559.
40. NR I, 458, II, 22.161.321-2. 386-7. III, 719.
41. NR II, 161. 321-2. 386.
42. NR I, 458 f. N. Stub 70. NR II, 321-2
43. NR II, 386. .
44. NR II, 161.
45. NR II, 386-7  
     NR II, 386-7. Etter ny klaga av biskop Jens Nilsson 1585  
     (JNV CLXXX-CLXXXI) og av kapitlet, innskjerpte kongen  
     plikti til aa halda koraler for ikkje-residerande kanikar.  
     NR II, 719.
46. DN XII 654.
47. L. Daae, Thronhjems Stifts Geist. Historie, s. 219, etter  
     "Schønings Optegnelser".
48. NR I, 484. Jfr. N.Mag. I, 395.396. Annarleids lesemeisteren m.  
     Absolon Pedersson, N. Mag. I, 402 f. 404 f.
49. NR I, 228. 455-7 - 685 f.
50. NR I, 484-5.
51. StDP 467, 1578: Peder Claussøns kanikeresidens paa Kriken:  
     2 hus som stod aldeles til nedfalls og var forrotna.  
     NR I, 649. N. Mag. I, 374.
- 51b. NR I, 664-5.
52. NR I, 689.
53. DK1 I, 123.
54. jfr. DN XII, s. 815
55. sjaa s. 16.
56. N.Mag. I, 143: 1557 1552 eller 1553; jfr. Daae, Thj.St.g.  
     Hist. s. 33: 1552. DN XII s. 815.
57. avskaffa 1571.
58. DN XII 815.
59. N.Mag. I, 427, jfr. 402-3.
60. NR I, 649. 688, II, 115.
61. NR II, 365.
62. 1935 1/3 10.15-11 10 tilh.
63. DN XII, s. 815.
64. Oslo kap. prot.
65. NR III, 624, jfr. Trondheim kapitels statutt 27/3 1598  
     (avskrift i Rettsh. Komm. avskriftsaml).
66. jfr. NR III, 439.
67. jfr. NR II, 562.
68. NR I, 347.

69. Bang RG. 174-5.181.183.
70. Thrap, Bergenske Kirkeforh. 134.
71. jfr. Bang RG 236 ff. 278 f. NR II, 224 f. StDP 180: 1608 fire residentes som er biskopen, sognepresten, medtjeneren og skolemester.
72. NR I, 150.347.649.
73. N. Mag. I, 374.
74. N. Mag. I, 245 f. 374.
75. NR I, 649-51. 664-5.
76. NR II, 686-7.687.688.689.
77. KhS 4 IV, 220.
78. NR II, 132 f.
79. NB kooptasjonsretten aat kapitli etter ref. Oslo: JNV CLIV-V, CLXV.
80. NR I, 269.
81. NR I, 156.97.
82. NR I, 207.
83. Bang RG 97, NR IV, 731.
84. NR I, 203.224.455.
85. NR I, 554.
86. NR II, 59.
87. NR V, 344.
88. NR I, 153.
89. NR I, 347.649. N. Mag. I, 374.
90. N. Mag. I, 245 f.
91. NR I, 606.
92. N. Mag. I, 246.
93. NR II, 112-113.
94. Stav. kap. pr. 562.
95. NR I, 374; N. Mag. I, 257. NR II, 219.
96. NR I, 521, 574. II, 71-2.
97. NR IV, 489.
98. DMag. I, 28.
99. StDP 172.
100. DKl I, 108.114-5.198 f.
101. Oslo kap.prot. 1611 Envold Kruse.
102. A.E. Erichsen, Thj.Katedralskoles hist., s. 27.
103. NR II, 167.
104. DN XII s. 815. NR II, 293.
105. NR IV, 687.
106. 1935 8/3 9.15-10, 12 tilh.
107. StDP s. 3-4.
108. JNV LXXXVII-XC, jfr. XXIII-XXIV. NHT 2VI, 326-30

109. Søfr.Søfr. Mem. 12-17.
110. N Mag. I, 197. 198, jfr. 358.
111. DKl I, 75.
112. Utk. NKO 1604, s. 29
113. N Mag. I, 358.
114. DKl I, 37.
115. DKl I, 207.
116. DKl I, 187 (jfr. 207-8). 508-9.
117. NR I, 242. Rørdam, Kbh. Univ.Hist.IV, 93 f. Jfr. DN IV,840-1.
118. Sjaa Fl. um Presteutdanningi, notisar ved s. 327. Jfr.  
DN IV s. 840-1.
119. NKO 1607, f. 29b.
120. jfr. StDP 468: nytt kapitelhus 1578.
121. utg. av A. Brandrud, 1901.
122. Thrap, Berg. Kirkeforh. s. 135.

Synodar

Fra gamall tid var det skikk i den norske kyrkja - som i den danske, aa halda kyrkjelege møte: baade provincialkonsil for heile kyrkjeprovinsen (bispemøte) og synodar for dei einskilde bispedøme (prestemøte).

Kyrkjeordinansen inneheldt ingi fyreskrift um slike møte. Men dei vart haldne likevel, baae slag.

I Danmark samankallte kongen oftare superindendentane til nasjonalkonsil (1540, 1542, 1546, 1555, 1579) saman med universitetsprofessorane. Desse bispemøte utarbeidde fyreskrifter til utfylling og forklaring av kyrkjeordinansen, (desse galdt ogso i Noreg sjaa N Mag II, 98,) og gjorde utkast til nye lover, dei avgjorde lærestrider og dømte i fyrelagte saker.

Paa dei danske nasjonalkonsil var dei norske superindendentane ikkje med. I 1547 tenkte Christian III paa aa kalla deim saman til møte, ikkje i Noreg, men i Skaane hjaa kongen, for aa "gjøre en endenlig Skik" paa "de Artikler Religionen vedkommende".<sup>1</sup> Møtet vart ikkje noko av. Og fyrst i 1604 samankallte Christian IV superindendentane i Noreg til møte, i Bergen, det fyrste norske bispemøte etter reformasjonen, for aa gjera utkast til ein serlig norsk kyrkjeordinans. Det hadde daa ikkje vore halde serlegt bispemøte i den norske kyrkja sidan 1436. - Um arbeidet aat møtet i 1604 skal det sidan verta talt.

Betre hadde tradisjonen med prestemøte i dei einskilde bispedømi halde seg. Fraa Trondheim heiter det i 1547, " at alle Sogneprester pleie efter gammel Vane at forsamles hvert Aar, Dagen næst efter St Hans Dag".<sup>2</sup>

I Danmark heldt dei evangeliske superindendentane ved med stiftssynodar og gjorde deim til ein nyttig reidskap for reformasjonsverket og for det kyrkjelege arbeidet i det heile. Paa stiftssynodane - som seinare vart kalla landemøde - kunngjorde superindendentane ei lang rekkje monita, formaningar til prestane vedrørande deira liv og embetsførsla, som daa synodane samtykte i. Radt sidan 1540-50-talet vart det i ref.hdr stadig halde slike synodar i Skaane, Sjælland og Fyn, og blandt dei talrike synodalmonita fraa desse tre stift<sup>3</sup>, reknast dei fraa Sjælland for dei viktigaste. Synodalia Roschildensia vart ogso haldne for gjeldande her i Noreg, og avskrivne til bruk her att-med ordinansen<sup>4</sup>.

I Noreg gjekk det <sup>?</sup> *trou* med stiftssynodane enn i Danmark. Det vara lengre innan dei fekk rom i kyrkjearbeidet, og det er berre i tvo av dei norske bispedømi, at me veit dei oftare er haldne og hev sett merke etter seg, nemlig i Bergen og Stavanger.

Den fyrste bergenske synoden<sup>5</sup> me hev kunnskap um, var samla i 1569 under biskop Jens Skjelderup, serleg med tilføre av biløtspursmålet. Hans ettermann m. Anders Foss heldt sitt fyrste prestemøte i 1584, og fyreskreiv daa, at det skulde haldast aarlege synodar i Bergen like etter Bartholomæi tid (24.8). Her skulde provstane møta med 2 prestar fraa kvart provsti, medlemmerne av domkapitlet, rektor og lærarane ved katedralskulen<sup>6</sup>. I Stavanger veit me det vart halde synode eller "almindeligt prestemøde" fleire gonger i biskop Jørgen Erikssøns tid: 1573, 1593, 94, 97<sup>7</sup>. - Derimot er det aldri umtala stiftsprestemøte i Oslo-Hamar eller Trondheims bispedøme i tidi etter 1550.

Fraa fleire av desse stiftsprestemøti<sup>8</sup> fyreligg det vedtak eller synodalia, serleg utførlige og viktige fraa synodane i Stavanger 1573 og Bergen 1569, 1584, 1589.

Synodarne tok seg av det praktiske kyrkjelege arbeid i det heile i stort og smaatt og retta paa misbruk og uorden. Der fekk prestane raad og rettleiding og paalegg um si embetsførsla og heile sitt tilhøve i og utan kyrkja, der fekk provstane paamining um sine oppgaaavor, likeeins deknar og kyrkjeverjor. Synodane gjorde vedtak um gudstenesta, helgedagar og kyrkjeskikkar, dei søkte aa utrydja leivningar av katolisismen og aa gjennomføra liturgisk einskap, med domkyrkja til mynster. Dei gav fyreskrifter um preika, kristendomsupplæring og kyrkjetukt, og gav paalegg um kyrkjeutstyret. Dei rettleidde prestane um deira tilhøve til embetsbrødrar, til soknefolket og til den verdslege og kyrkjelege øvrigheit. Dei høyrde klagor fraa prestar over kyrkjelydar og verdslege embetsmenn og fraa desse over prestane, og dryfta korleis slikt kunde avhjelpast og godt tilhøve skapast millom alle partar. Rettsaker som skulde paadømast av kapitlet - som pla halda sesjonar paa same tid som synodane - vart ofte fyrst prosedert paa synodane - men desse endelause og keidsame ærend var, som mester Anders Foss segjer, "til aa faa kvalme av", so det aar etter aar paa synodane ikkje vart tid til aa stella med "dei ting som vilde vera nyttige for Guds kyrkja"<sup>9</sup>.

Synodeforhandlingane i Danmark og Noreg gjev mange kjærkomne opplysningar um seder og tilstand blandt prestar og kyrkjelydar og er umissande kjeldor til kunnskap um dei indre tilhøve i vaar landskyrkja i den tid. Forhandlingane gjev ogso eit bilæte av den aand som raadde i kyrkja og viser kva det vart lagt vinn paa. Synodane hev heilt igjenom praktiske formaal, teologiske eller andre teoretiske emne vert ikkje fyrehavde i ref.tidi.

Forutan stiftssynodane var det gamale sed - iallfall i Danmark-aa halda aarlege prestemøte i dei einskilde provsti (dansk: herred, provincia); eit slikt møte kallast i millomaldere kalent (Calendæ) etter reformasjonen synodus provincialis. Desse samkomor arta seg gjerne som festlege gilde med rikleg mat og drykk; Peder Palladius karakteriserte deim som "bacchanalske orgier", og søkte aa reformera dei ved aa faa burt misbruki og gjera dei nyttige for presteskapet. Som tillegg til instruksen for provstevistasane 1555 gav han ei rettleiding for, korleis provstiprestemøti burde ordnast.

I Noreg søkte nokre av biskopane aa faa provstiprestemøti igang igjen, og meir aalment enn fyrr. Paa synodane i Bergen 1584 og 89 paala m. Anders Foss provstane aa samla prestane til møte kvar i sitt provsti innan ein maanads tid etter stiftssynoden. Paa desse møte, som skulde vara ein dag og byrja med gudstenesta og slutta med ei sømeleg maaltid, skulde det samtalast um synodeforhandlingane og andre naudsynlege ting, og provsten skulde granska um prestane heldt kyrkjelovi og førte eit sømelegt liv, og lesa upp baade gamle og nye synodalfyreskrifter.<sup>9a</sup>

I Oslo-Hamar stift tenkte biskop Jens Nilssøn i 1580 paa aa faa igang aarlege provstiprestemøte over baae stift.<sup>10</sup> Men etter alt aa døma er det meir undantaksvis at slike møte er komne istand, - soleis i Skien 1596 i nærvar av biskopen; dette møte dryfte serleg kyrkjetuktspursmaal. - Ellers er provstiprestemøte haldne for aa gjera prosteval<sup>11</sup>.

I Noreg er det truleg, at dei lange vegarne mange stader hev vore til hinder for at prestekalenti kunde verta aalmenne.

Prestekallingi

Reformasjonsloverne innførte den nye skipnaden, at kyrkje-lydane sjølve skulde kalla sine sokneprestar, under prøving og godkjenning av superintendenten og stadfesting av stiftslensmannen paa kongens vegner, - i Noreg lensmennenne paa Akershus og Bergenhus og fraa 1568 paa Trondheims gard.

I vaart land var det ikkje noko nytt, at bønderne kalla prest, det var gjort i den eldste tid, men ikkje no paa mange hundrad aar.

Me veit ikkje korleis prestevalretten aat aalmugen er praktisert i den fyrste tid etter ref. Systemet var nytt og uvant, og det er vel rimelegt at mange ledige kall i fyrstningi er blitt forsynt med prest av superintendenten og stiftslensmannen.

Imngrep fraa øvrigheiti kunde det og vera serleg grunn til, naar bønderne - som det stundom hendte - utan samtykke av biskopen kalla prest etter sitt eige hjarta eller hovud. - I Eidfjord hadde dei i 1553 - som fyrr umtalt - teke seg ein prest som kunde halda katolsk messa for deim.

Det kunde i slike tilfelle koma upp ein aalvorleg konflikt millom aalmugen og øvrigheiti, naar øvrigheiti ikkje vilde gaa aalmugen sitt ærend. I eit prestegjeld i Stavanger bispedøme (rimelegvis Finnøy) hendte det fyrst i 1570 aari, at "en ganske ulærd mand, som i mange aar haver været en bonde", Olav Knutsson paa Hovde (paa Tolga), ved presteskifte hadde preika for bønderne og late seg kalla av deim til sjælesyrgjar. Burtsett fraa at mannen var ustudert, so gjekk heller ikkje valet so retteleg for seg; det heitte at Olav hadde brukt "skenk og simoni" for aa "indtrenge sig til evangelii embede". Etter klaga av superintendenten m. Jørgen Eriksson irettesette lensherren paa Bergenhus denne bondepresten, men han vilde ikkje vika, skjellte paa biskopen, som ikkje vilde godkjenna han, og truga og undsa honom. Daa Olav tok ordi i seg for domstolen i Stavanger; let biskopen seg forlika "for gode mends bøn skyld og rolighet". Men daa striden um fattigtienden ved den same tid kom upp, vart Olav leidar for ei heil bondereising mot biskopen; heimkomen fraa ei sendeferd til Danmark i den sak, hev han "opvakt mange bønder deromkring, som raabe paa og true superintendenten". Mester Jørgen klaga i 1574 til kongen, som paala stadhaldaren paa Akershus aa kalla Olav for seg og formana honom, og ifall han enndaa ikkje gav seg og retta seg, straffa mannen utan all naade.<sup>12</sup>

Ved presteval viste det seg med tidi den tendens, at saki



reknast for avgjord med valet, utan at biskop og lensmann eingong hadde fenge kunnskap um presteskiftet, og set um det var noko til hinder for aa godkjenna den valde. I 1585 fortel biskop Jens Nilsson, korleis det ofte gjekk for seg i hans bispedøme, naar ein sokneprest var avliden. "En part understaar seg straks sammenstundis, før end den døde bliver begravet, eller og der han ennu neppeligen er bleven kald udi jorden, at tage kall paa gjeldet, hvilket ofte giver stor orsage til bulder og trette, besønderlige dersom enten provesten, fogiten eller andre som ere der nærverendis tilstede, straks forhjelpe hannem til kald, førend enten stikts-regenten (lensmannen) eller den som paa religionens vegne skulde have tilsjun udi stiktet (superintendenten), kan faa det at vide. Nu er almuen gjerne saa tilsinds, at den som de først kaller og giver stemme paa, ville de have, og ingen anden, (som deris kallsbrev det vel undertiden udviser), uanseet om samme persons vilkaar kanse enn finnes saadan, at han forsager skyld ikke vel maa eller kan samtøkkis, enten av den orsage han er uduelig og ubekvem til saadant kall, eller han er forsørget med kall paa et annet sted og maa for den sag skyld ikke saa lettelig slippe et kall og straks tage et annet, eller og om der finnis nogen annen orsage til, hvorfor det kann hannem med rette nektis, og besønderlige om Kongelig Majestæt haver meddelt nogen anden person sitt brev og vil have hannem forsøget".

Det er av dette tydeleg nok, at baade embetskandidatar og aalmuge gjerne vilde koma andre i fyrekjøpet. Der var nemlig fleire interessor som kryssa kvarandre ved prestekallingi. Og her kom alt i reformasjonshundradaaret skuggesidor tilsyne, som sidan fylgde prestevalet, so lenge det laag i henderne aat folket, og som serleg vart myrke paa 1600-talet.

Det hendte rett ofte, at kongen gav einskilde personar skriftleg tilsegn um prestekall. Kongebrevet lydde vanleg ikkje paa noko visst kall, i høgdi paa det fyrste ledige i det og det bispedøme, og det vart uttrykkeleg tillagt, at alt skulde gaa etter ordinansen, d.v.s. vedkomande maatte lata seg kalla ved val av kyrkjelyden. -Slike ventebrev var ikkje noko nytt; fyre reformasjonen var dei ofte gjevne av paven i liknande former. Kongebrevi var i formi ikkje meir enn fyremælingsbrev, men det seier seg sjølv, at biskop og lens-

herre ikkje kunde anna enn interessera seg for slike som kom med ventebrev fraa kongen, og dei freista gjerne aa faa dei tilsett, um det ~~ikkje~~ og skulde skje mot ynskjjet aat aalmugen. Biskop Jens Nilsson vilde difor, at naar noko kall var ledigt, skulde provsten fyrst melda dette til biskopen og spyrja um det var nokon som kongen vilde ha "forsørget", so denne kunde fyrestella seg for aalmugen og forhøyra seg um dei vilde kalla han. Vilde dei ikkje ha han, skulde det sjølvstaa dei fritt aa velja ein annan; det var ikkje tale um aa taka valretten fraa folket. Men det er klaart, at dei kongelege ventebrev la eit visst band paa valfridomen.

Biskop Jens Nilssøns ord viser, at den kyrkjelege øvrigheit i den tid høgst ugjerne saag at presten sjølv søkte forflytjing, seleg fraa eit kall til eit anna paa landet. Soleis baade i Danmark og Noreg, soleis ogso i Sverige<sup>13</sup>. Paa synoden i Roskilde 1563 vart det vedteke: Kvar prest bør bliva i sitt kall, og ikkje stræva etter forflytjing, fyrr han vart kalla til ein annan stad.<sup>13b</sup> I 1580 spurte biskop Jens Nilsson sin ordinator, Sjællands biskop Povel Madsson, um dette: "om det er tilbørlegt og maa tilstedis, at presterne skal flytte at it gjeld og til it andit, uden saa er, at de kommer til nogen høyre kald og embede, end at være sogneprest paa landsbygden". Sjællands biskop svara, at slikt i det heile ikkje burde innrømast, utan i serlege naudsynlege fall, etter skyn av lensmann og biskop<sup>14</sup>.

Forflytjing i landskall fyrekom difor berre sjeldan. Vanleg satt landsprestane i sitt embete heile sitt liv; forfremjing skjede i regelen fraa land til by.

Naar biskopane her stelte seg avvisande, var grunnen ogso den, at det fyrekom misbruk i slike tilfelle, nemleg simoni. Paa stiftssynoden i Stavanger 1573 vart det klaga over, at "det nogen tid er skeet udi stiftet, at nogle endogsaa iblandt Guds ords tjenere, ... imod Guds ord og Kongelig Majestæts ordinantse haver fordristit sig til med skenk og gaver at ville kjøbe sig evangelii embede, og desligeste prestegjeld at bekomme fra andre dannemenn, som der til rettelige efter ordiantsen ere kallede og bevilgede, og overgive deris egen sogner, som til indkomst nogit ringere kunde vere". Eit slikt tilfelle hadde nyst vore fyre kapitlet i Stavanger. For aa

faa Lista prestegjeld, som ikkje var ledigt, og til og med kongebrev paa det, hadde soknepresten hr. Mats i Lyngdal skriftleg lova futen til ein adeleg familie 50 dalar til hans herskap og attpaa til honom sjølv "en høvisk skjenk for sin umag"<sup>15</sup>. "Hvilken udi slig simoni lader sif befinde udi dette stift efter denne dag - segjer synoden - skal sjelvillingen være avsagt fra sitt kald og embede og rømme stiftet"<sup>16</sup>.

Eit serleg vanskelegt problem skaffa presteenkjerne. Fyre reformasjonen eksisterte ikkje dette problem. Kyrekjeordinansen 1537/39tillet prestarne aa gifta seg, og sytte for presteenkjerne eit aar, ved aa tilstaa deim halvdelen eller meir av embetsinntekterne fyrste aaret etter deira husbond var død, og paa landet rett til aa verta buande i prestegarden same tid. Men naar dette naade-aaret, "annus gratiæ", var ute, sa ordinansen ingen ting um kva presteenkja skulde liva av sidan, eller kvar ho skulde gjera av seg. Det syntest hardt aa tvinga enkja til aa flytja naar aaret var ute, og ordinansen overlet det til den nye presten um han vilde vera streng i dette stykke<sup>17</sup>.

Den utvegen laag daa nær, at enkja vart gift med ettermannen. Og baade i Noreg og Danmark kom biskopane med tidi meir og meir paa at denne løysning var den beste.

Jens Nilsson opplyser i 1580, at det var eit sterkt og utbreidt ynskje, at naar eit kall var ledigt, maate kallsbrev til ny prest ikkje utferdast fyrr naadeaaret var ute, so presteenkja i millomtid "kunde bekvemmeligen blive forsørgit". "Thi ellers skal mange fattige enker med sine smaa børn lide stor trang og nød, som tilforen skeet er, ikke foruden stor ynkelighed og jammerlig klagemaal"<sup>18</sup>. Tanken var nok at presteenkja derved vilde faa høve til eventuelt aa koma overeins um giftarmaal med nokon av embetskandidatane fyre prestevalet. Naar den avlidne presten hadde truleg og vel fyrestaatt sitt kall, og bygt og forbetra prestegarden, so meinte biskop Jens Nilsson (1585), at ei presteenkja, som hadde skikka seg ærleg og no trengte "gode raad, hjelp og trøst...efter sin hosbonde", "ikke skulde straks med sine fattige børn udlukkis, om hun kunde saa blive forsøget med giftermaal, at hun maatte blive der fremdelis"<sup>19</sup>.

Sjøællands biskop, som Oslobiskopen fyrst raadførte seg med um dette (1580), meinte, at um enkja var ung, eller var der ei gifteferdig dotter med godt rykte, daa trudde han det var

"ei from og gudtekkjeleg gjerning" um ein soleis sytte for giftarmaal; men ein maatte daa fyrst og fremst freista aa faa ein nyttig og bra prest, og "ein laut akta paa at det ikkje gjekk den vegen, at det saag ut som prestekalli var arvelege"<sup>20</sup>.

I Danmark var denne skikk med giftarmaal millom presteenkja og nyepresten blitt rett vanleg, og superintendenten i Oslo-Hamar m. Jens Nilsson vaaga seg i 1585 til aa taka ei slik fyreskrift blandt dei religionsartiklar han ynskte godkjenning av kongen paa. Men det fekk han ikkje. Frederik II var alt anna enn viljug til aa fastslaa nokon regel i dette stykke. Tverimot. I 1587 kalla bønderne i Borbjerg prestegjeld i Ribe stift ny prest og sette som vilkaar at han skulde taka presteenkja, som var "en fast bedaget kvinde" med 15 born. Men presten, som ikkje vilde, vendte seg til kongen, og kongen forlangte at presten skulde innsetjast utan vidare, "efterdi...vi ingenlunde ville, at nogen for Præstekvindersnes Skyld skulde forvises fra Kald, efterat (-di?) Kirkerne er stiftet til Guds ære og Tjeneste, og ikke til Præstekvinderne"<sup>21</sup>.

AA ekta presteenkja vart ofte, serleg i Danmark, eit vilkaar for aa faa kallsbrev av bønderne. Og i mangfoldige tilfelle gjekk det nok langt lettare enn i Borbjerg for presteenkja aa koma overeins med den nye presten um giftarmaal, serleg fordi biskopane og andre ofte stod paa presteenkjerne sitt beste. Det vara ikkje lenge, innan presteenkjerne vart bindeled i presterekkje i det eine kall etter det andre. Me skal sjaa fleire døme paa det, ogso i Noreg, paa 1600-talet.

Men like tungt vog mangein gong umsynet til prestesøner eller presteversøner. At aalmugen ofte kann ha havt større hug til aa faa sonen aat den avlidne presten til sjælesyrgjar enn ein framand person, er i seg sjølv rimelegt<sup>22</sup>. Men sokneprestane hev og ofte i levande live skaffa seg sin son eller verson til kapellan for seg, "paa det han siden kan succedere i kaldet, naar han dør eller afgang". Dette forbaud kong

Christian IV i 1597, for at ikkje kalli skulde verta arvelege og aalmugen missa kallsretten. Fyrst naar presten var død, maatte kall skje. Og um ein prest for alder eller sjukdom skuld trengte kapellan, maatte han ikkje faa kalla nokon av sine søner, men ein annan som superintendenten skulde velja for honom. Sjællands biskop fekk paalegg av kongen um aa melda Hans Majestæts strenge vilje til alle biskopane i Danmark og Noreg, og fraa deim gjekk daa kongebodet vidare til provstar og prestar<sup>23</sup>.

Men um no soknepresten hadde ein kapellan som korkje var hans son eller verson, so hendte det, at soknepresten heldt sin eigen son til studium og ved avtale med aalmugen freista aa skaffa honom tilsegn paa kallet etter sin far, til fortrenghel for kapellanen. Det vart klaga over dette serskilt fraa Noreg<sup>24</sup>. Prestesøner var ikkje alltid mors beste born. Det hendte meir enn ein gong i den tid - som og seinare - at dei skeia ut ved skule og universitet; at "en Deel have unytteligen fortæret og forspildt deres Forældres Pendinge og store Bekostning med Drukkenskab, i Løsagtighed og andre utilbørlige Laster og Vellyst, og befindes derfor, efterat være hjemkomen, at være unyttige Drukkenbolte og bevise sig imod Forældrene ulydige, ikke uden Guds store Fortørnelse og mange Menneskers Forargelse". Biskopane kunde ikkje "hjælpe og forfremme slige udygtige og ubekvemmelige Personer for deres grove Uskikkeligheds Skyld til noget Kald og Vilkaar", sjølv um dei maatte høyra ille for det. Og enn mindre kunde dei finna seg i, at "Presterne, deres Forældre, det saa handler og forskaffer hos Almuen, at saadanne deres Sønner, Superintendententerne undspurgt, bliver før deres Død kaldet og udvælget efter dennem, og udi deres Sted at skulle igjen være Sogneprester, og udi saa Maade ved slig uchristelig og ulovlig Middel fortrænger og forskyder de Kapellaner, som længe have tjent, og indtrænge slige Personer til det hellige Prædike-Embede, hvortil gudfrygtige og lærde Personerbilligen burde at kaldes, tilskikkes og forordnes<sup>25</sup>.

Tvo kongebod<sup>25</sup> sette ein streng stoppar for denne uskikk, at nokon kalla sokneprest fyrr innehavaren av embetet var avliden. Slike presteval skulde vera ugyldige, kallsmenterne straffast, og den som let seg kalla paa denne maaten, fekk sidan ikkje tilstedast til kall.<sup>26</sup>

Ogso rettstillingi aat kapellanen viste seg soleis aa vera ei sak som kravde merksemd, ikkje minst i Noreg, der prestegjeldi ofte var store, serleg i Trondheims stift, med mange annekskyrkjor og 2-3 ja fleire kapellanar. Her hadde sokneprestane sjølv alltid sidan reformasjonen kalla kapellanarne. Men i 1601 innskjerpte kongen, at sokneprestane ikkje maatte kalla kapellanar utan samtykke av superintendenten, og ikkje gjeva deim avskil utan dom. Det same skulde gjelda deknar<sup>27</sup>.

I det fyregaaande hev me vore frami eit fænomen, som i eldre tid jamnan hev synt seg i samband med prestekallingi, nemleg simonien, - den uskikk, at ein ved økonomiske midler, som gaavor, vederlag, fyremunar, opnar seg veg til kyrkjeembete.

Reformasjonslovgjevingi var paa vakt mot denne misbruk, som hadde gjort so mykje skade i den katolske kyrkja.<sup>27</sup> Men den evangeliske kyrkja var ikkje i stand til å halda seg fri for denne rame synd, og det vara ikkje lenge innan simonien tok til å snika seg inn, i ymse former. Den nye prestekallingsmåten viste seg aa bjoda gode vilkaar for at simonien kunde ovra seg, meir enn fyrr.

Dei kongelege lensmennerne, som hadde stadfestingsretten for dei kyrkjelege kall, tok imot gaavor av dei som ynskte embete, og desse let seg ofte freista til aa skaffa seg eit kall eller aa byta til seg eit betre kall, ved midlar av denne art. Det vart difor i 1550-aari vanlegt i Danmark, at superintendentane kravde ein eid av dei utvalde prestane, at dei visste seg fri for simoni.<sup>28</sup> Og med tidi vart simoni-eiden ei fast ordning, som stod ved lag i fleire hundrad aar.

I 1560-70-aari maatte ogso biskopane i Noreg til aa kjempa mot simonien. Superintendenten i Oslo-Hamar Frants Berg klaga til kongen over "Uskikkelighed om Sogneprestere Indsættelse" (1562), og kongen paala lensherren paa Akershus aa straffa dei som handla imot ordinansen i dette stykke<sup>29</sup>. Daa kongen i 1571 gav Mats Skul lensbrev paa Helgeland, overdrog han honom ogso "Befaling over Presterne der paa Landet og Prestesager, at handle med Indsætning og anden Tilfald", men kongen la utrykkelig til "dog skal han intet med dem paaslaas, uden hvis han kan gjøre efter den geistlige Ordinans"<sup>30</sup>.

"Skjenk og gave", den grovaste form for simoni, vart nytta ikkje berre til lensherrar, men ogso til andre, - helst slike som etter sin stand og stilling kunde vera fyretalsmenn eller hjelpa paa annan maate embetskandidaten fram (jfr. hr. Mats i Lyngdal og vedtaket paa synoden i Stavanger 1573).

Ogso andre midlaryart funne tenlege for dei som vilde fram: Paa stiftssynoden i Roskilde 1567 vart det vedteke fylgjande: "Hvilken som begjærer kald til noget Sogn, skal forvare sig for Simoni; thi der maa ingen komme til Kald for Gunst og Gave, ei heller give Bønderne Tønder Øl, eller i andre Maader holde af dem, drikke sig drukken med dem i sit Hus, love dem Ager,

Eng etc, paa det de vilde give dem Kald<sup>31</sup>. Under det daa-  
verande prestelønssystemet, med jordegods og mange slike avgifter,  
var det tidt ei freisting for embetskandidaten aa gjeva avtale  
med soknefolket um avkall paa eller nedslag i visse økonomiske  
embetsrettigheter for aa verta kalla<sup>32</sup>. Ja, aalmugen kunde  
ogso nytta eit slikt avkall eller nedslag som krav og vilkaar,  
ikkje berre for aa gjeva kallsbrev, men stundom ogso for aa  
lata ein prest verta sitjande i kallet<sup>33</sup>.

Regjeringsraadet i Christian IV's mindreaar fann at det  
var paa tide aa skrida inn mot simonien og gjera han til ei  
straffbar gjerning. Det skjede ved ope kongebrev dagsett 24.  
februar 1593, som paa det strengaste forbaud simoni<sup>34</sup>. Um ein  
prest gjorde seg skuldig i det, vilde han mista sitt kall, og  
aldri meir tilstedast til geistlegt embete. Dei som tok imot  
skjenk og gaava, maatte betala den dubbelte verdi til næraste  
hospital, og dertil skulde kongelege lensherrar, superinten-  
dantar og provstar mista sitt embete, adelsmenn tiltalast  
for brot mot kongens vilje og bønder ha sine gardar forbrotne..

Vaart fyrste evangeliske prestestand

Um me vil forma oss eit bilæte av prestestandet i vaart land i dei tvo mannsaldrane etter reformasjonsaaret som det verkeleg var, og gjera oss upp ei meining um, korleis dei var skikka for si oppgava, møter me den vansken som so ofte elles, at det fyrst og fremst er skuggesidorne som dei historiske dokument lærer oss aa kjenna, hjaa dei einskilde personar som hjaa standet i det heile. Det som i den tid var godt i livnad og lærdom, veit soga lite um, - Gud aaleine kjenner det alt.

Simonien var ei av desse skuggesidor. Ei onnor freisting, som laag nær for prestane, var aa nytta dei økonomiske rettigheter som reformasjonslovgjevingi tilsa deim, paa ein vilkaarleg maate, - ikkje aa halda seg til dei bestemte avgifter for kyrkjelege handlingar som recessen av 1539 sette, men krevja eller taka kva dei sjølv fann for godt. - At dei framleides tok imot avgifter som var vanlege i den katolske tid, men ikkje var stadfeste ved reformasjonen, var det mindre aa segja paa, naar fyrst bønderne var viljuge til aa yta ogso slike. Annarleids var det, um dei beintfram kravde desse avgifter som sin rett. Ved lagtinget i Oslo 1563 vart det dømt millom presten og aalmugen i Rollag i Numedal um presterettighetene, - dei lovlege vart stadfesta, men "den kyrmesse-ost, som de hidtil udgivet haver, skal være avlagt."<sup>35</sup> Derimot var det rett og slett ulovlegt, naar prestane tok større avgifter, enn recessen av 1539 fyreskreiv, og nekta bønderne si tenesta, med mindre prestane fekk det dei forlangte. Det var ikkje berre prestane som hadde grunn til aa klaga over bønderne<sup>36</sup>, at dei ikkje vilde svara deim deira rettighet, ogso bønderne bar seg ille over, "at en Part af Presterne begjere mere end dem bør at have"<sup>37</sup>. I 1578 klaga aalmugen over at "naar nogen mann eller kvinne dør ok avgaar, maa de give presten en ko, endog de ikke eige saa møgit (recessen 1539 fyreskreiv, at denne avgift berre kunde takast av den som aatte minst 6 kyr); ok udi brudvielse 1 tønne korn (istadenfor 6 skilling); samledes udi kirkegang  $\frac{1}{2}$  pund smør eller diss verd (det kunde berre krevjast av den som aatte meir enn 6 kyr); dissligeste udi offerøre  $\frac{1}{2}$  tønne korn eller diss verd (istadenfor 1 skjeppe). Og naar de ikke ville give presterne efter deres vilje, ville



de ikke gjøre dennom, hvis de dennom plictug ere"<sup>38</sup>.

Det var difor god grunn til aa stadfesta og innskjerpa fyreskrifterne i recessen av 1539; det skjede gong paa gong i 1560-70 aari<sup>39</sup>, baade av kongen og av dei kongelege fullmektige som vitja Noreg paa hans vegner for aa skipa lov og rett. - Og naar ei slik sak kom fyre retten, vart det sagt dom etter recessen og presten tapte, soleis som daa lagretten i Oslo 1573 dømte soknepresten i Høland til aa gjeva tilbake ei ku han hadde uppebore i utferd og nøgja seg med 8 skilling<sup>40</sup>.

Men prestane hadde vanskeleg for aa læra. I 1602 klaga bønderne sunnanfjellæ over at prestane tyngde deim med ulovlege byrder, denne gongen galdte det offertollen. Dei kravde ei heil tunna mjøl i offermøle, naar dei i fjellbygderne skulde nøgja seg med ei halv tunna, og i sjøbygderne med  $\frac{1}{2}$  øyre av bonden og  $\frac{1}{2}$  øyre av kona hans. Paanytt maatte kongen minna um Trud Ulvstands og Claus Billes recess av 1539<sup>41</sup>.

Under dei vilkaar som var raadande i reformasjonstidi med umsyn paa dei prestelege rettigheter, - naar aalmugen var uviljug til aa yta avgifterne, og naar prestane kravde meir enn dei hadde rett til, var det ikkje underlegt, at det ofte kom upp trøttor millom prest og aalmuge um økonomiske spursmaal. Slikt var ikkje til aa undgaa. Og slike trøttor, anten no skuldi laag mest paa den eine eller paa den andre, sette vondt blod millom prest og aalmuge, verst naar presten var strid paa sitt.

Eit anna utiltalande drag ved livet aat prestane i reformasjonshundraaret var det, at mange av deim dreiv kjøpmannskap. Dette var ein gamall sedvane, som hadde festa djupe røter i millomalderen. Han hekk saman med naturalhushaldet i det økonomiske liv, - det var naudsynlegt for prestane, som for andre, aa faa vendt sine inntekter og produkt i pengar. Men mange gjekk vidare enn dette og dreiv økonomisk verksemd utanum den som var naudsynleg til aa umsetja embetsinntekter. I 1521 heitte det, at "prestmenn i Nordlandene drive stor handling med kjøpmannskap og seglats"<sup>42</sup>; dei hadde store skip og mykje mannskap og dreiv fiske og handel. Daa denne umsetnaden visstnok mest gjekk fyre seg til sjøs, utan at varorne kom i land og kunde varta skattlagt av kongen, freista kong Christiern II aa koma handelen aat prestane til livs, likesom han søkte aa hindra deira frie næringsdrift i det heile.

Kyrkjeordinansen forbaud prestane strengt aa driva kjøpmann-

<sup>42</sup>skap. Men gamall vane er vond aa venda, og dei heldt fram med handel etter reformasjonen som fyrr, ikkje berre til sjøs, men ogso i bygderne. Derved kom dei til aa tevla med byborgarane, som kravde einerett til aa handla med bønderne. Det var elles ikkje prestane aaleine, som soleis gjekk byborgarane i næringi, - alt herskap som uppebar inntekter av jordegods, verdslege sovelsom geistlege, - futar lensherrar, adelsmenn-, dreiv handel med bondevaror. Det kom klaga over dette fraa kjøp-  
 mennerne i dei norske byane, serleg Bergen, og kongen forbaud difor i 1552 aa driva handel paa landet med anna enn heimfødt fe og heimeavla gods<sup>43</sup>. Daa jorddrottane forbaud sine bønder aa selja sine varor til andre enn til sitt herskap som hadde dei i verja og forsvar, utverka kjøpstadborgarane i 1557 eit kongebrev til adel, futar og prestar, at bøndene fritt maatte kunna selja sine varor til kven dei vilde, - berre kongen skulde ha fyrste kjøpet.<sup>44</sup> Dermed vilde kjøpstadborgarane draga bondehandelen til seg, i fri tevling m.a. med prestane.

Det lukkast likevel ikkje so snøgt aa faa prestane til aa gjeva upp ei gamall inntektskjelda som kjøpmannskap. Baade Nordlandshandel og bygdehandel vedvara.

Prestar sovelsom borgarar for til Nordland, kjøpte upp fisken fyre han kom til lands og reiste med han til byen og undomdrog han dermed fraa tienden, - og istadenfor innførte dei varor som "vin, bastert, romeni(tvo slag vin), brennevin, figen,rosiner, peberkager og allehaande krømmeri, som bønderne mere ere til forderv enn til gavn!"<sup>45</sup> Dette forbaud kongen i 1562.

I Oslo-Hamar stift var det prestar som "drog op udi landet" og kjøpte upp varor av bønderne, og naar borgarane kom, var vara upptinga og oppkjøpt, so "de kan lidet fange". Oslo-borgarane klaga i slutten av 1570-aari over dette til stad-haldaren, som raadslo med biskop og kapitel um saki, og resultatet vart, at biskopen skulde gjeva prestskapet ei paaminning, og truga kjøpmannsprestane med avsetjing.

Biskop Frants Bergs hyrdebrev i denne sak<sup>46</sup> gjev eit vakkert inntrykk av den gode kyrkjelege aand, som raadde hjaa dei leiande kyrkjemenn:

"Betenker, dannemenn, at saadant (kjøpmannskap) er imot Kongelig Majestets ordinants, at prester skal ikkje videre kjøbslaa enn de haver behov til deres underholdning, ikke til at udselje andre, men saa møgit som de have til sig sjelver.

Ok betenker, I dannemenn, at I ere prestmenn, der skal studere i den Hellige Skrift ok have Christi hjord udi befaling, at den ikke forsømmis udi deris salighedssag. Hvem det skal gjøre, han kan ikke vel tage vare paa kjøbenskab eller befatte sig med anden verdslig handel, om han vil staa sit embete vel for; thi hans bog og hans embede han er kallid til, skal faa hannom nok at tage vare paa, saa han skal ikke have behov at bekymre sig med annen verdslig handel. Thi vil det ikke skikke sig, at en prestmann skal være en kjøbmann. Thi det er best, at en kjøbmann bliver en kjøbmann, ok en prestmann bliver en prestmann... Thi at det gjelder ikke om ringe ting, men om Guds ære ok menniskers salighed; hves den forspilles, skal de svare til, som haver religionen udi befaling. Ok betenker, I dannemenn, der I bleve ordineret, da bleve I ikke ordineret til kjøbmenn, menn til prestmenn. Desligeste tenke ok, hvad handskrift I mig givit haver, saa mange som av mig ordineret er, at I skulle ikke befatte Eder med verdslig handel, men tage vare paa Eders bog, og skikke Eder som prestmenn bør at gjøre. Jeg vilde nødig det skulde komme udi Kongelig Majestæts øren, at jeg haver ordineret kjøbmenn til prestemenn. Her kunde I dannemenn vide at rette Eder efter".

Nordlandshandelen aat prestane vart der sett ei grensa for i 1588, daa det kom eit forbod imot, at prestane drog til Bergen oftare enn kvart tridje aar<sup>47</sup>.

Men der var og andre næringsvegar emm kjøpmannshandel, som freista prestane.

Reformasjonshundradaaret var ei stor oppgongstid for trelastdrift og -handel. Og der var mange prestar som slo seg paa sagbruk og trelastutskiping<sup>48</sup>, som alle andre i den tid. Men umsider sette kongen ein stoppar ogso for dette<sup>49</sup>.

Andre prestar la seg etter jordegods, og det ofte med lite tiltalande midlar, - samtidig som det og var mangt aa utsetja paa deim i deira livnad og embetsførsla, baade i dei fyrr-nemnde stykke og i andre maatar. Illustrerande er i so maate ei utsegn som sjølve stadhaldaren Axel Gyldenstjerne i 1590 gav til kongen:

"Der er i Sandhed altfor ringe Opsyn hos Præsterne i Bergenhushus Len. Thi de handler dennem meget ubillig imod fattige

Almue med ulovlig Beskatning, Kjøbmandskab, Drukkenskab, Sacramenternes Misbrug og udi andre Maader". Det var bore fram klagor for stadhaldaren - og han let dei gaa vidare til kongen, - klagemaal over prestar og futar, at dei ustraffa for aat som dei vilde mot folket. "Med de samme Pendinge, som de afskatter og aflager de fattige Folk, panter og kjøber de dem siden deres Huse, Gaard og Grund udaf, saa at de maa siden løbe om landet, og aldrig kan fange eller maa komme til deres Gods igjen. Og hvilke som end maa blive paa Gaarden, efterdi de dennom forsolgt eller forpantet haver, saa maa de siden give mere udi Landskyld end Gaardene ere værdt. Saa der er vel den Præst, ved navn Hr. Christoffer Reersen, der haver paa en kort Tid tilkjøbt og pantet sig jordegods i de 16 eller 18 Gaarde". Stadhaldaren paalagde lensherren paa Bergenhus aa tiltala Hr. Christoffer "und saa mange flere af hans Staldbrødre, som der findes for ulovlig Kjøb og Handel de drive", og prøva aa skaffa bønderne nokre av deira gardar tilbake<sup>50</sup>. -Denne klaga gav støyten til, at Regjeringsraadet i 1590 utferda eit forbod i Christian IV's namn imot at lensherrar, futar og prestar panta eller kjøpte gardar fraa bønderne, og paala hovudlensmennerne aa ha uppsyn med dette.<sup>51</sup>

Um den personlege livnaden aat prestane i reformasjons-hundradaaret kunde det og vera mangt aa fortelja. Der var dessverre grove useder som vanprydde standet: trættesjuke, ulydnad, vankunna, skøyte<sup>52</sup>øysa, drukkenskap, lauslivnad<sup>52</sup>. Men der blir iallefall ikkje mindre av dette i den fylgjande tid, og det vil difor vera naturlegt aa venta til neste kapitel med ei skildring av det moralske nivaa blandt Guds ords tenarar under evangeliets ljøs.

Fraa Stavanger kapitelsbok 1571ff. kjenner me paa 30 aar rettsaker mot ialt 11 prestar: 3 fekk tilrettevisning eller pengebot, 1 vart frikjent, 7, fraadømt embetet eller suspendert.<sup>53</sup> Fraa andre bispedøme er einstaka tilfelle kjent, men nokon statistikk kan\_n ikkje uppsetjast. Tilfelli er ikkje faa i tal, og dei er til alt anna enn heider for den norske kyrkja. - Men likevel utgjer dei berre ein liten prosent av heile talet paa prestar. Visseleg var fleirtalet menn som utan skam fyllte sitt embete; mange gjorde det med heider. Jens Nilssøns visitasbøker fraa Oslo Hamar stift fraa 1590aari gjev gjennomgaaande biløtet av eit aktverdigt presteskap, som talde baade dugande og fromme menn.

Presteidealet i reformasjonshundradaaret i vaar kyrkja lærer me aa kjenna best av biskop Jens Nilssøns ordinasjonspreikor, 1580, 1581<sup>54</sup>. Paa grunnlag av Paulus's ord i 1ste Timoteusbrev kap.3 gjev biskopen med fyndige ord ei skildring av det liv ein rett prest bør føra:

"De skal ikke være horkarle eller skjørlevner og besmitte sig med ukyskheds synd og løsaktighed. Thi det mén Paulus idet han siger: at en tilsynsmand, en Guds Ords tjener, skal være én Kvindis mand, det er: han skal have sin egne hustru, sky horeri og skjørlevnet, han skal holde it erligt hus ok tukte sine børn til Guds frykt, til lydighed, til ædruskab og all erlighed. Han skal ok selv være ustraffelig (siger han), som Guds husholdere, ikke egensindig eller kriggaard (som de ere, der altid vill igennem med hovedet, som man siger, ok vil altid efterfølge sitt eget sind ok ikke give andre noget efter). Han skal ok ikke alltid være vredladende (som de ere, der alltid knarker ok knurrer ok ere grinvuren ok gretten), men han skal være venlig ok from. Han skal ok ikke være nogen vindrankere (ikke at han maa jo drikke vin eller andre gode drikker til maadelighed med takksigelse), men meningen er, at han skal ikke være en drunkenbolt eller en oneflott (d.e. eit sedlaust menneskje). Han skal ok ikke heller være en overfusere, ikke tage andre saa skarpelig fram i sin ord ok tale ligesom han vilde straks hugge dem for hunde eller bide næsen av dem. Han skal ok ikke heller staa efter slem vinding eller nogen skendige baade. Han skal lene gerne hus ok være godvillig, tuktig, rettfærdig, hellig, kysk. Ok for allting vil Paulus, at en Guds ords tjener... skal holde hart ved Guds ord ok den sanne, visse ok faste ok saliggjøreendis lærdom ok legge vinn paa at han kann lære andre ok være mechtig til at formane for-medelst den sande lærdom ok at straffe dem som sige emod"<sup>55</sup>.

### Kyrkjer i forfall

Eg hev fyrr, ved umtalen av kyrkjebygnaderne peika paa, at talet paa kyrkjer etterhand vart sterkt redusert ved reformasjonen. Dette heng saman med, at den kyrkjelege verksemd etter reformasjonen mest mogeleg bygde paa soknekyrkjeskipnaden. Kapell og kyrkjer som ikkje hadde sokner og ikkje var turvande til soknekyrkjer, blandt deim mange av dei gamle høgendeskyrkjerne, og likeeins soknekyrkjer med smaa sokner som no kunde leggjast ihop med andre, vart rekna for overflødige, vart staaande lite brukt, eller ubrukt, fekk forfalla, eller var nedrivne.

Denne nedlegging av smaakyrkjer gjekk ikkje fyre seg med ein gong, men skjede etterhand, og vart ikkje fullt gjennomført i reformasjonshundraaret. Der er ogso smaakyrkjer som er blitt nedlagt etter den tid. Men det er likevel naturleg ved slutten av reformasjonshundraaret aa kasta eit auga tilbake, for det er ved den tid, at nedleggingi kann segjast aa ha kulminert, og det var enddaa undantak at dei paa den tid hadde teke til aa byggja nye kyrkjer.

Tildels hev nedleggingi av smaakyrkjerne gaatt fyre seg etter plan, og vart fyreskrivi av lensherren og superintendenten. Soleis i Bergens bispedøme i 1544; daa vedtok Christoffer Huitfeldt og Geble Pedersson aa leggjja ned 4 kyrkjer i fire prestegjeld i Sogn og paa Hordaland: Rygg i Aurland, Kvaale i Stedje sokn i Sogndal, Henjum i Leikanger, Bø paa Framnes i Os<sup>56</sup> Etter mynster fraa Bergens bispedøme skreid m. Hans Gaas til ein liknande reduksjon i Trondheims bispedøme, med kongeleg mynja. I 1552 gav kongen superintendenten i Trondheim og lensherren paa Steinvikholm fullmakt til aa bryta ned overflødige kyrkjer baade i bygderne og i stiftsstaden<sup>57</sup>. Kva for kyrkjer som er blitt nedlagt i Hans Gaas's tid, hev me ikkje nærmare kjennskap til. Men visitaskommisjonen av 1586 for Trondheims bispedøme heldt fram, og la ned 13 kyrkjer av det slaget dei kalla "ølkyrkjer", alle i Inntrøndelag: i Verdal 4, i Skogn 3 (deriblandt den fyre klosterkyrkja paa Munkeby), i Stjørdal 4, m.fl.<sup>58</sup>.

Inntekterne aat dei nedlagte landskyrkjerne vart anten lagt til næraste soknekyrkja (soleis i Trondheims stift) eller til ei soknekyrkja i stiftsstaden (soleis i Bergens stift).

Det beste bilæte av tilstandet i slutten av reformasjonstidi gjev biskop Jens Nilssøn, som hev teke upp ei lista over alle

kyrkjor, baade dei som var i bruk og dei som var øyde, i Oslo og Hamar stift, 1591 og 1598<sup>59</sup>.

I Aker ved Oslo hadde det, forutan hovudkyrkja paa gamle Aker, vore 4 smaakyrkjor: den eine, ei trekyrkja paa Furuset paa Gjelleraasen, var heilt nedbroti, so der var ingenting aa sjaa til henne, av den andre, ei steinkyrkja paa Hovin, stod noko av muren; i den tridje, ei trekyrkja paa Smestad, var det blitt halde tenesta ogso etter reformasjonen, men ho var no forfalli og ikkje i bruk; i den fjerde, ei steinkyrkja i Maridalen, var det preika 3 gonger i aaret paa høgtiderne, - men sidan er den ogso blitt øyde, og der staar no berre ruiner tilbake.<sup>60</sup>

I Lier var det, forutan hovudkyrkja og tvo annekskyrkjor, tri kapell; dei tvo var øydelagde i grunnen, det tridje var "paa fallendis fode"<sup>61</sup>.

Skedsmo kyrkja hadde tvo annekskyrkjor, Lørenskog og Dal (d.e.Nitedal), og tvo øyde kapell, Asak og Hakadal<sup>62</sup>.

I Stange paa Hedmark var det, attaat hovudkyrkja og annekskyrkja ikkje mindre enn fem øyde kyrkjor<sup>63</sup>.

Vangs prestegjeld hadde hovudkyrkja og 2 annekskyrkjor og dertil heile sju øyde kyrkjor<sup>64</sup>.

I Gran paa Hadeland, som no er delt i 4 prestegjeld, fanst det utanom hovudkyrkja og dei fire annekskyrkjorne ogso sju kyrkjor og kapell som det ikkje vart gjort tenesta ved. Av dei er no berre ei att (gamle Tingelstad). Det er fyrst i vaare dagar, i aari 1859-1930, at der paa Hadeland er bygt sju andre nye kyrkjor, istadenfor dei som vart nedlagt paa reformasjonstidi, soleis at kyrkjetalet no endeleg er det same som i millomalderen.

Aalmugen hev visseleg set med sorg paa, at prestar og biskopar forsømte dei gamle smaakyrkjorne, eller let deim riva ned, folk trudde Guds straff maatte koma over den som var skuld i slikt. Um ein av prestane paa Toten i reformasjonshundrad-aaret (Hr Kare Tordsson Skouk, 1577-93) fortalde folkesegni, at han let bryta ned ei av dei kyrkjorne som no stod utan tenesta (Hovs kapell) og kørde trevyrket heim til prestegarden og brukte det til brensel. "Men da han første gang varmede sig derved, overfaldt der ham en forunderlig Kulde, og han følte sig aldrig mere varm i sit hele Liv"<sup>65</sup>.

Kva vart det gjort med alle dei nedlagte kyrkjebygnaderne rundt i landet? -Nokor aalmenn fyreskrift er ikkje gjevi. Tilfellet fekk raada, eller serlig fyreskrift i dei einskilde tilhøve.

Øydekyrkjorne i bygdene brydde ingen seg større um. Dei fekk staa og forfalla av seg sjølv. Var dei av tre, gjekk dei til grunne etter kortare eller lengre tid<sup>66</sup>. - sume alt i reformasjonshundraaret, sume sidan. Um vyrket er nytta til byggjetilfang, eller til brensel (Hovs kapell paa Toten) eller det berre vart liggjanden og rotna, veit me lite um. - Var øydekyrkjorne av stein, er ruiner stundom blitt staaande til vaare dagar, t.d. St Hallvards kapell paa Lauvøya i Borre paa Vestfold<sup>67</sup>, men det kunde og henda, at ei øydekyrkja seinare er teki i bruk igjen, og soleis stend under tak den dag idag, - som gamle Tingelstad kyrkja paa Hadeland.

I byane derimot vart dei nedlagde kyrkjorne - som her i regelen var velbygde hus av stein, - for det meste nyttiggjort til eit eller anna føremaal. Soleis skulde stein, kalk og timber av dei nedrivne kyrkjorne i Trondheims by nyttast til aa setja domkyrkja istand med<sup>68</sup>. - Men det var desverre ikkje ofte dei fekk tena eit kyrkjelegt formaal. Dei gamle forfallne kyrkior i Oslo, fremst millom dei Mariakyrkja, maatte i 1556 avgjeva 30-40000 murstein (teglstein) til aa byggja paa Akershus slott<sup>69</sup>. - Aaret etter fekk lensherren paa Bergenhus paalegg av kongen um aa senda noko av den aller beste hogne steinen fraa dei forfallne kyrkjorne der i lenet (d.v.s. serleg i Bergen) som ballast med det skipet som daa skulde gaa til Kjøpenhamm<sup>69</sup>. - Graabrødrekirkja i Trondheim overlet kongen i 1558 til lagmannen der, til aa byggja seg eit godt kjøpstadshus<sup>69</sup>. Mariakyrkja i Stavanger gav kongen i 1565 burt til borgarane til raadhus; ho var sidan i kommunal bruk, tilslutt som brandstasjon, like til 1883, daa ho var nedrivi.<sup>70</sup> Paa same vis overlet kongen i 1552 St.Hans kyrkja eller Jonskyrkja i Bergen til borgarane til raadhus, og Allehelgenskyrkja til aa nedbrytast og aa tena til byggjetilfang paa dette raadhuset.<sup>71</sup> Men daa Jonskyrkja brann i 1561 med ein stor del av byen, vart ho overlati til seg sjølv; "straxen lagde endeel af Indbyggerne Hænderne paa det Øvrige af denne Kirke, som Ilden havde lævned, og især borttog alle de Marmor-Steene, som der var, hvilket de blandt andet betienede sig af at zire deres Caminer med"<sup>72</sup>. Etter faa aar stod berre nokre kjellarar og murar att, og i 1573<sup>73</sup> innretta dei kyrkjataarnet til brandvakttaarn, og fraa 1620 spela ogso stadsmusikantane fraa taarnet. Det brann i 1702, og forfell sidan<sup>74</sup>. - Steinar fraa Allehelgenskyrkja nytta dei til brulegging av gatorne; i dei siste rom som vart leivde av kyrkja, vart det innretta fengsel; enndaa lenge etter



branden i 1623 fanst det ein kjellar fraa denne kyrkja som dei brukte til øl og anna og til samlingsstad for vektarane<sup>75</sup>. - Nikolaikyrkja hadde eit høgt svært taarn som tente til brandvakttaarn i millomalderen; i 1560-70 aari stod ho som ein ruin, og borgarane nytta steinane til kjellarar i bygardane<sup>76</sup>. Hallvardskyrkja i Bergen, som dei tyske skomakarane hadde havt til soknekyrkja ogso etter reformasjonen, vart øyde, daa dei tyske handverkarane vart utvist av byen i 1559; lensherren Christoffer Valkendorf "forstyrrede" kyrkja, og ho var sidan ein ruin; ein del av steinane var sidan nytta til aa utvida Korskyrja, 1623<sup>77</sup>.

I dei fyrste tvo mannsaldrane etter reformasjonen gaar det soleis overalt i Noreg fyre seg eit kyrkjenedbrytande arbeid av nær sagt systematisk art, serleg i byarne og i tettgrendte bygder. Overalt forfallne og øyde kyrkior, som vert nytta til byggetilfang baade offentleg og privat, eller som fær staa og siga i grus av seg sjølv. Ein praksis som maatte verka demoraliserande paa folket og skada vyrnaden for dei heilage husi og for minni fraa fedrane.

Kyrkjebygging og -bunad.

I reformasjonshundraaaret vert det ofte klaga over, at soknekyrkjorne vert forsømt, og atter og atter lyder formaningane til kyrkjevevorne um aa byggja og vøla paa dei kyrkior som framleis skal vera i bruk.

Likevel var det ikkje berre forfall og forsøming aa sjaa. Fraa Trondheims bispedøme klaga mester Hans Gaas fyrst paa 1550-talet over, at kyrkjevevorne jamvel kosta for mykje paa kyrkiorne. Han la dette ut slik, at dei gjorde det mest for sin eigen bate skuld, og kongen fann det rett, i 1552, aa innskjerpa sparsemd med kyrkje-vedlikehaldet<sup>78</sup>; han innførte her i stiftet eit dobbelt kyrkjetilsyn, over kyrkjevevorne, eit for kvart prestegjeld: presten og 4 av dei fornemste soknemenn, og eit for heile bispedømet: 2 kanikar og 2 borgarar<sup>79</sup>.

Fyremaalet med denne ordning var aa skaffa inntekter til vedlikehald av domkyrkja. Overskotet av inntekterne aat landskyrkiorne skulde koma henne til gode. Og ved desse hjelpemidlar vart ho i 1550-aari sett nokohende i stand.

Det er fyrr skildra korleis katedralane ved reformasjonen var komne i ei serleg vanskeleg stilling, fordi dei mista sine inntekter, daa kongen inndrog bispegodset, og reformasjonkongen viste liten eller ingen sans for sin skylnad til aa halda dei ved like. Byrdi med vedlikehaldet av katedralane la kongen paa dei andre kyrkiorne for sjølv aa sleppa fri. Istandsetjingi skulde skje "med ringeste Bekostning"<sup>80</sup>, som det heitte, og vart difor avgrensa til det allra naudturvelegaste.

I ei fyremunleg serstilling stod Bergens domkyrkja. Graabrødreklosterkyrkja, som vart gjort til domkyrkja ved reformasjonen, aatte riktignok ikkje eigedom og inntekter - anna enn cathedraicum, som kongen stadfesta for henne - men den fyrste superintendenten m. Geble raadde over inntekter som ein katolsk biskop og han kosta paa kyrkja av sine egne pengar. Um dette fortel M. Absalon Pedersson<sup>81</sup>: M. Geble let bryta ned eine langveggen som stod til nedfalls, og mura han uppatt, la nytt tak paa skipet, bygde paa taarnet etter mynster av St. Olavs kyrkjetorn i Amsterdam, og forsynte det med seiervedk og seiervorklocka. Koret vart nyinnredt med eikepanel, golvet i kyrkja lagt med fliser fraa Skottland, veggene prydde med maalarstykke paa leret, orgel innkjøpt fraa Bremen og ein hjelpte upplært til organist, sakristiet innretta til bibliotek og

lectorium og synodesal. - Men etter m. Gebles død vart ogso hans embetsgods inndrege, og Bergens domkyrkja kom dermed paa same fot som dei hine.

Under Fredrik II stod vedlikehaldet av domkyrkjorne stadig paa dagsordenen, og kongen viste i motsetnad til Chr. ikkje ringe velvilje for dei<sup>82</sup>. Men han nögde seg med, dels aa leggja skyldnaden paa borgarane fordi domkyrkjorne no var soknekyrkjor, dels aa innskjerpa cathedraticum, dels aa løyva hjelp av andre kyrkjor eller kyrkjelege inntekter. Soleis var daa Oslo, Bergen, Stavanger og Trondheim haldne naudturveleg istand. Men stor skade var det, at Hamar domkyrkja likevel vart oppgjevi og overlati til forfall, 1584, avdi ho "ikke staar til at hjelpe og holde ved Magt uden stor Bekostning"<sup>83</sup>.

I 1580-aari tok ogso fleire andre større soknekyrkjor til aa faa studnad paa liknande maate som domkyrkjorne, - anten av (konge)tienden<sup>84</sup>, eller av overskotet av andre kyrkjor i eit stort umraade<sup>85</sup>. Dermed vart det innleidt ein praksis, som paa 16-1700-tali var mykje vanleg, nemleg, at serleg bykyrkjor vart bygd og istandhaldne med hjelp fraa andre kyrkjor, av over- skot, avgift eller kollekt.

Det segjer seg sjølv, at i ei slik forfallstid for kyrkjorne som i reformasjonshundradaaret er det bygd faa nye kyrkjor i vaart land. Det er fyrst imot slutten av denne perioden, at me høyrer um eit par tilfelle av nybygging, - det gjeld anneks- kyrkjor<sup>86</sup>.

Det meste kyrkjebyggearbeid i reformasjonstidi var ikkje anna enn den snaude utbetring og istandsetjing for aa hindra forfall. Men dette arbeidet vart ofte baade dyrt og daalegt. Difor innførte kyrkjeforsvaret i Oslo-Hamar bispedøme (lens- herren paa Akershus Ove Jul og superintendenten m. Jens Nilssøn) i 1585 klaare og skarpe reglar for kyrkje-vedlikehaldet: "Ingen arbeid skal begyndis eller foretagis paa nogen kirke med nogen ~~medarbejdere~~ lappeverk derpaa aarligen, kirkens pending dertil at spille, og kirken dog dermed intet at vere behulpen". Ein skulde samla upp forraad for kyrkja, og gjera noko ordentlegt og etter plan. Spursmaal um "hvad for bygning kirken behøver", skal kyrkjevevorne, med raad av soknepresten, fyrst leggja fram for provsten og kongeleg majestæts foget, og det skal gjevast kyrkjevevorne skrifleg befaling um "hvorviidt de skulle bygge eller og hvad for ornament kirkerne ere nødige og ti behov haver". Kyrkjeforsvaret fastsette dag- lønerne for dei ymse slag handverkarar som det var bruk for til

kyrkjebygging. Kyrkjeverjorne skal umsetja innkomorne aat kyrkjorne til høgaste pris. Soknefolket bør uppmanast av presten og provsten til aa hjelpa med fri køyrsla av byggetilfang. Provstane skal halda bok over kyrkjeprydningen ("ornamenta") sovelsom over fast og rørleg eigedom som tilhøyrrer kyrkjorne. Dei skal syta for at kyrkjeverjorne held ordentleg og spesifisert rekneskap, og kvart tredje aar skal provstane møta paa Akershus for aa faa kyrkjerekneskapane godkjent<sup>87</sup>.

I Bergens bispedøme paala synoden 1589 provstane aa føra skarpere tilsyn med kyrkjeverjorne "og ikke stede dennem at lappe sammen saa plumpt arbeide udi kirken, som her tildags er skeet". Kyrkjeverjorne maatte ikkje lenger sjølv setja upp stolar eller preikestol eller altarpuppbygg "med si grove hand", men dei burde faa tak i utlærte kunstsnikkarar fraa byen eller andre stader, og lata dei gjera arbeidet etter kontrakt godkjent av lensherre eller biskop. Provstane skulde halda auga med all ting i kyrkja: tak, taarn og klokker, dører og laasar, golv, stolar for kyrkjelyden, preikestol, døypefont, stolar i koret for dei geistlege, vindaugo, altar, skaaprom for altarestellet, tavla paa altaren, bøker, heilage klæde, gjerde kring kyrkjegarden. Av byggjearbeid innvendes og utvendes skal det ikkje gjerast noko overflødig, men det naudsynlege. Men det viktigaste er, at det vert gjort meir ordentleg og prydeleg "enn fyrr".<sup>88</sup>

I desse fyresegner kjem det fram ei større kjensla av kunstnarlegt andsvar for Guds hus. Den tid er forbi, daa det galdt aa riva ned og reinska ut dei katolske minni, og elles nøgja seg med aa lappa det verste ytre forfall. Ei ny verdsettjng av kyrkjeprydning og kyrkjehuset er i kjømdi.

Av det nye inventaret som er skaffa til kyrkjorne i reformasjonstidi, finst enno ymse eksempel av dei fleste stykke som høyrer med til utstyret. Det eldste daterte inventarstykke er preikestolen fraa Degernes kyrkja paa Austfold, med aarstal 1554 og vaapenskjolden aat soknepresten i Rakkestad Østen Baardsson<sup>89</sup>. Som dette og fleire andre tilfelle viser, var det ofte prestar eller velhaldne lækfolk som gav til kyrkja det eine eller andre stykke av inventar eller prydnad.

Kunstformerne i vaart kyrkjeinventar fraa reformasjonstidi tilhøyrrer renessansen. Den nye stilen tok so smaatt til aa faa inngang alt fyre reformasjonen, og var mot slutten av hundradaaret eineraadande. Den norske renæssansestilen er

nøktern og enkel; berre sjeldan møter me rikare dekorative former, som akanthus-ranken paa preikestolen fraa 159<sup>x90</sup> i Sem kyrkja paa Vestfold. Til gjengjeld spelar no inskripsjonar ei stor rolle. Preikestol, bokstol, døypefont, altartavla vert pryda med "herlege sentensar", ja synoden i Bergen gjer heile altartavla um til ei katekisme.

Bilætfiendskapen er uttrykk for ei ny religiøs innstilling til den kunstnarlege prydnaden i kyrkja. Hovudsaki var no at kyrkjekunsti kunde verka uppbyggjande, gjeva ordet rom, reint og rett. Difor fekk det praktiske, det som var tenleg for kyrkjelyden, større rom, og ved utpryding vart dei dekorative former viktigare enn bilæti.

Preikestolen blir ein fast led i kyrkjeinventaret, og ein av dei fornemste. "Prædikestolen - segjer Peder Palladius i si visitasbok - skal ikke være en bogstol eller en hiffgippe neder paa jorden, men deilig opbygget hos den sønder side i kirken, ovenover alle andre stole, Guds salige ord til hæder og ære, at hvert menneske kan se sin sogneprest under øgen, ihvad stolestad han haver i kirken... paa det at I maatte alle høre og merke Eders saligheds lærdom"<sup>91</sup>.

Men præika var lang, ho kunde vara upp til ein time, det trengjest stolar til aa sitja og høyra, - no kom det daa etterhand overalt stolestader i skipet, for menn paa høgre sida, for kvinner paa vinstre<sup>92</sup>. Der kyrkjeromet var for lite, bygde dei pulpitur (galeri) ved vestveggen, eller ogso langs nordveggen, - soleis i Oddernes kyrkja (ved Kristianssand).

Millom kyrkjelyd og presteskap vart det derimot som fyrr gjort tydeleg skilnad. I koret maatte ikkje lækfolket ha sæte andre enn fyresongaren, der det ikkje var dekn<sup>93</sup>, -der skulde segjer Bergens-synoden 1589, elles berre staa tvo stolar, ein for presten til skriftestol, ein for biskop eller provst naar dei kom paa visitas. Visstnok alt i slutten av reformasjons-hundradaaret tok dei, i Noreg som i andre land, til aa skilja koret fraa skipet med eit høgt tralleverk, - ei ordning som vart vanleg i den fylgjande tid.

Altaren var no ikkje lenger offerstaden, der presten bar fram messeofferet, - han var Herrens nattverdbord, der kyrkje lyden samlast til den heilage maaltid. Her trengtest det difor ein altar-ring med knefall for nattverd-gjesterne.

Døypefonten hadde som fyrr sin plass ved inngangen - etter den gamle symbolikk um daapen som inngang til Kristi samfund.

Men ogso den vart likesom altarrømet markert ved ein gitter-skranke som skilde av eit serlegt daapshus.

Soleis utforma den evangeliske kyrkja sitt gudsteneste-rom, i tilslutning til millomalderleg tradisjon, med tre lokalt markerte hovudstader: I dette system la den evangeliske kyrkja si meining, soleis som Palladius so greidt uttaler det i si visitasbok: "Tre ting have I her inden disse døre, som eder bør at tage mest vare paa. Og var de ikke her inde, da maatte I selv vere her ude. Det første er eders prædikestol, det andet er eders funt, det tredje eders høye altere... Funten neden i kirken og alteret oven i kirken, og prædikestolen midt imellom, at naar eders sogneprest prædiker eder vor herre Jesum Christum rent og klart til eders salighed, da beviser han sin lærdom med de tvende høyverdige sakramenter; derfor slaar han den ene hand ind til funten, og den anden op til alteret, at de staa paa baade sider ved prædikestolen, somdi tvende chrubin stod omkring arken; for di to sacramenter ere di to indsegle, som blev givet ind fra himmelen vid Moysen og vid vor herre Jesum Christum, der de ti budord, troen og fader vor staa skrevne udi, og er den rette avlats-brev som oss bør at dø hen med, og have i grav med oss, og ikke pavens avladsbrev som hørde djevelen til. Den første artikkel i brevet er di ti budord, den anden vor troen, den tredje vor Fader vor, med alt det dennom tilljuder i det gamle og ny testament. Der henger nu de tvende indsegle nedenfor, de er daabens og nadverens sakramente...Dertil med merker disse tre ting, prædikestolen, funten og alteret, ere de tre ting som S.Hans setter udi sin sendebrev, aand, vand og blod, hvorpaa hvert menneske maa kjende og vinde, om han er det evige livs barn eller ikke. Aanden, det er sogneprestis and og røst, naar han lærer dig Jesum Christum ren og klar; vand, det er du og dit barn døbt udi; og blod, det er Jesu Christi legeme og blod, at æde og drikke til en stadfestelse paa alle vore synders forladelse. Aand i prædikestolen, vand i funten, og blod paa alteret... Derfor haver den hellig aand vid S.Hans sat oss disse tre tegn paa maalt, at vi skulle kjende vid dem, hvor nær vi er Gud og han oss, heller hvor nær vi ere djevelen og han oss. Det skal nu disse tre ornamentter eller redskab, prædikestolen, funten og alterit, paaminde oss"<sup>94</sup>.

Soleis la den evangeliske kyrkja ein guddommeleg pædagogikk inn i kyrkjeutstyret. Men samtidig fekk det menneskelege ein større plass enn fyrr. Kyrkjehuset skulde ikkje berre vera

Guds hus og tempel, men ogso samlingsromet for kyrkjelyden, ein aandeleg heim for folket; det fekk difor ein intimare karakter i heile innretning, enn fyrr hadde vore tilfelle. Ogso den reint personleg individuelle tilknytning til gudshuset gjorde seg gjeldande og kom til uttrykk. Folk fekk faste plassar i kyrkjestolane, og prestane formana til, at ingen maatte lata sin stol staa tom um sundagen<sup>95</sup>. Paa veggerne kom det upp minnebilæte, epitafier, over prestar og deira familie og av andre velvyrde folk i kyrkjelyden. Og under kyrkjegolvvet fekk honoratiores sin legstad, med prydeleg likstein over, - ein skikk som og stundom var brukt i millomalderen, men som no vart vanlegare, meir og meir framgjenom tidi.

Ogso med den fattige utvikling, som den kyrkjelege kunst hadde i vaart land i forfallstidi etter reformasjonen, vert alt no dei grunnleggjande drag i det evangeliske kyrkjeromet utforma. Det skjede ikkje ved brot og nydaning, - det var dei gamle kyrkjer som framleides var i bruk, - det skjede heller ikkje etter teoretiske prinsipp, men ut fraa praktiske krav og faktiske tilhøve, med tillemping etter den kyrkjelege tradisjon, som vart halden ved like i den mun han var tenleg for det nye og ikkje hindra evangeliet.

## NOTER

1. NR I,92
2. L.Daae, Thj.st.g.Hist.,22f, etter "Dokumenter i danske Geheimearkiv".
3. sjaa tilvisningane i D.Hist.Bibl.I,634.
4. N Mag.II,240
5. jfr N Saml.I,18:Geble Pedersson innretta ein del av skaristiet i Bergens domkyrkja til "at læse udi (dvs. halda teologiske fyrelesningar) eller og at høre Ægteskabssager og holde Synoder udi.
6. NMag I,92f.
7. StD P s.8.64f.71.105
8. Bergen 1569 NMag I.357-8  
1584 " II,92-8  
1589 " II,237,47  
Stavgr 1573 StDP 546-61  
1593 " 65
9. JNMag II,237
- 10a. N Mag II,94,240
10. JNV CXI. DK1 II,320
11. JNV 429f, Skrede 120f.
12. KbS IV,219-20 , NR II,132
13. Anjon II,7
- 13b N.KbS. II,479
14. JNV CXII
15. StDP 4-6.555
16. StDP 546-7
17. DK1 I,102-3
18. JNV CXII
19. JNV CLXXXI
20. JNV CXII
21. DK1 II,417-8. 447-9
22. Daae 31
23. DK1 III,7-10. 14/8 1597.  
JNV CXIII SSM 43-4
24. Kлага kom, synest det, fraa Stavanger bispedøme NR III,379.
25. fyrst for Stavanger bispedøme 1595, sidan for heile Noreg 1597
- 25b. samanblanda med det fyre av Brandrud, JN.43
26. NR III,518-9, 7/10 1597
27. NR III,621
- 27b. DK1 I,76.197f.
28. DK1 I,395.463.470
29. NR I,329
30. NR I,700
31. Ny Kh S II,498
32. Dette var rimelegvis tilfelle med Olav Knutsson Hovde, som let seg kalla til prest (paa Finnøy ?) i 1570-aari, KhS 4 IV,219
33. Bang G 241
34. DK1 II,506-8, jfr 523-4. Corp.const.Dan.II nr 608. Kunngjort ogso i Noreg ?
35. Bang RG 71-2
36. NHDb 1578,83f
37. NR II,119
38. N.Herredags.Dombog 1578,s.143.286-7
39. NR I,555-60.15677  
Paus II,409-15. 1568  
NR II,118-23. 1574  
N.Herred.Domb. 1578



40. N Stub, 41
41. NR III, 688-9
42. DN XIII, 158
- 42b. DK1 I, 100
43. DN XII, 648
44. NR I, 226
45. NR I, 348-9.
46. JNV CXCII-CXCIII
47. E. Daae, Thj. st. g. Hist., 53
48. A. Bugge, Den norske trælasthandelshistorie II, 66
49. NR II, 547,  
Søfr. Søfr. Mem s. 20 s. 43
50. NSaml I, 539. 544.
51. NR III, 145. 149. 151.
52. NR III, 303f StDP 70
53. Bang R 274-84.
54. JNPr 437-62.
55. S. 458-59
56. DN IX 763
57. DN XII 641. 642. HG. mem 1. 2.  
Jfr NR II, 288f.
58. Thj. Reformats 1589
59. JNV 1-19. Lista er ikkje fullstendig og maa utfyllast  
etter visitasbøkerne.
60. JNV 5
61. JNV 3
62. JNV 9
63. JNV 14
64. JNV 13
65. L Daae, Norske Bygdesagn <sup>2</sup>I, 21
66. JNV 5
67. JNV 7
68. DN XII 641. NR II, 288f.
- 68b. NR I, 204
69. NR I, 215. 229
- 69b. NR I, 269
- 69c. NR I, 473
71. NR I, 154, jfr 344. 507
72. H: Meyer I, 300
73. Paus II, 368
74. H. Meyer I, 301-2
75. H. Meyer I, 299 II, 123
76. H. Meyer II, 119
77. NMag I, 125  
H. Meyer II, 128  
Um øyde kyrkje-grunnar i Bergen sjaa NR I, 364. 372.
78. DN XII nr 642
79. DN XII nr. 642  
DN XII nr. 641
80. NR I, 126
81. N Saml I
82. Stavanger: NR I, 347. 414. II, 134. 223f  
Oslo: NR I, 498. 592. 600. II, 19f. 29f. 37. 334f.  
Hamar: NR I, 639. II, 19-22. 166f.  
Bergen: NR I, 670. II, 83. 216. NMag I, 359f.  
Trondheim:
83. NR II, 559
84. NR II, 411f. 437. 466
85. NR II, 524.
86. Thj. Reformats 1589, s. 408  
JNV s. 15.
87. SSM 22-24, jfr. s. 20
88. N Mag I, 240-1. 246-7, §§4 og 24.  
jfr s. 95 § 16.

89. Fett, fig 30
90. Fett fig 28
91. P.Pall.D.Skr. V,30.33
92. N.Mag.II,97.
93. N.Mag.I,97 §32
94. D.Skr. V,30-33
95. Pall.D.Skr.V,32.40

### Sosiale vilkaar.

Den gamle kyrkja hadde havt ei sterk og privilegert stilling i samfundet, og klerus vant som stand store sosiale serrettar og fyremunar. Desse fall for ein stor del burt ved reformasjonen, serleg skattefridomen og den personlege ukrenkjelegdomen. Og sjølv um presteembeti vart trygda sitt gods uskjerda, ved reformasjonsloverne, so var heretter alle geistlege, høg og laag, i alle sine plikter og rettar underordna den øvste verdslege makthavar i landet, kongen, og avhengige av honom og hans representantar.

Prinsipielt vart tilhøvet millom kongedøme og kyrkja, verdsleg og geistleg makt, oppfatta soleis som i Augustana art 28: dei var sideordnedsamfundsmakter, kvar med sitt umraade, kvar med si oppgaaava. Frederik II gjev klaart uttrykk for dette i eit fyrr citert ope brev til nordmennerne 18/5 1572 um ekteskapet: "Vi bruger det verdslege sverd og predikerne det geistlige". Men dette galdt berre den kyrkjelege disiplin. Paa andre umraade sat kongen med den øvste einemakt. Han utøvde lovgjevingsmynja i alt som vedrørte kyrkjekipnaden, han hadde den øvste domarmynja i geistlege saker, han hadde overteke kyrkjestyringi i alle ytre, timelege ting. Millom kongen og kyrkja kunde der ikkje lett koma nokon konflikt, fordi kongen no hadde all den ytre kyrkjemakt, ei makt som han nok oppfatta patriarkalsk, men som likevel innebar underordning og lydriad for den evangeliske geistlegheit. Annarleids i tilhøvet millom kyrkja og dei lokale representantar for kongemakti, store og smaa lensherrar og futar, som just hadde med den ytre kyrkjestyring aa gjera i det daglege praktiske liv. Her kunde det ~~vera~~ lett verta tilføre til rivningar, og so vart og tilfelle.

Ein kann ikkje sjaa desse rivningane millom geistlege og verdslege etter reformasjonen som utslag av stridande teoriar - soleis som i millomalderen. I regelen hadde dei einskilde tilfelle ein eller annan ytre eller personleg orsak, og framforalt skreiv dei seg fraa visse sosiale tilhøve, som no var annarleids enn fyrr. Men av og til openberra det seg ogso no motsetnader som laag djupare, og som i ein viss forstand hadde prinsipiell karakter. Og utsegner av kyrkjemenner viser, at dei tenkte over tingen og freista aa sjaa spursmaali under ein aalmenn synsvinkel.

Det ideale tilhøve millom geistleg og verdsleg makt er -

som biskop Jørgen Erikssøn segjer i sine preikor over profeten Jonas - eit samarbeid millom baae for Guds rike: "Endog det vel som sant er, at kirkens og verdslege regimente ere tvende atskillige embeder, som ingenlunde hør at beblandis tilsammen, men hver som i dem ere, bør at tage vare paa sine bestillinger, dog kommer de her med over it, at de baade sammen pliktige ere at forfremme Guds lov og ære og menniskens velferd til sjel og liv". Den verdslege øvrigheit bør, "baade med gudfryktige exempel, saa og med deres mandat og befaning", hjelpa til at kristendomen kann fremjast hjaa folket.

Kyrkja blir ikkje trøytt av aa halda fram for den verdslege øvrigheit "gudfryktige kongers og regenters eksempel" som ein spegjel: Jørgen Erikssøn reknar upp dei fromme kongane i Israel: David, Salomo, Josafat, Ezekias, Josias, - og dei kristne romerske keisarane, Konstantin den store og Theodosius.

Me møter og i reformasjonshundradaaret mange kyrkjevenner i den verdslege øvrigheit, serleg blandt dei høgadelege kongelege lensherrane - menn som det hev vore ein hugnad for biskopane aa samarbeida med. Paa mange vis hev den verdslege overøvrigheit lagt for dagen eit sant kristelegt huglag og vist forstaaing for oppgaava aat kyrkja og gjeva henne sin studnad, - slike som lensherren Christoffer Huitfeldt paa Bergenhus (1542-55) og Christian Friis i Trondheim (1583-89), og stadhaldarane, lensherrane paa Akershus Povel Huitfeldt (1572-77) og Axel Gyldenstjerne (1588-1601), alle danske menn, og andre.

Men det var og dei som var likesæle med kyrkja, og ikkje brydde seg um henne. "Disse give fore - segjer biskop Jørgen Erikssøn - at det er nok, at verdslege regentere besvere sig med verdsleg regimente og ikke have behov at bekumre sig med religionen, som de geistlige alene tilkommer<sup>1</sup>". - At den verdslege øvrigheit skulde ha noko kyrkjelegt andsvar, det var utan tvil ein framand tanke for mange. I den katolske tid hadde kyrkja prinsipielt fraabedt seg all innblanding av verdsleg øvrigheit paa sitt umraade. Naar den verdslege øvrigheit framleides, etter reformasjonen, heldt seg tilbake fraa kyrkjesaker, var ein slik passivitet fullt forklarleg ut fraa tradisjonen, - Jørgen Erikssøn meinte aa finna denne tankegang "besynderlige hos dennom, som av pavens flaske drukkit haver"<sup>2</sup>.

Men det var og verdslege øvrigheitspersonar, som misbrukte si mynja og makt i tilhøve til geistligheiti, og meir enn ein gong hev den evangeliske kyrkja maatt lida urett og krenking og

finna seg i overgrep og umsynslaus framferd fraa herremennerne. Dette heng saman med sosiale vilkaar, serleg den store forandring som skjede med bispeembetet ved reformasjonen. Det evangeliske bispeembete var tiltenkt ei saare viktig rolle i den nye kyrkjeskipnaden, - superintendentane skulde vera "rette bisper", som var kalle, ikkje til yrkesløysa, men til stort arbeid. Men otten for aa gjera dei evangeliske tilsynsmennerne for store og mektige hadde medført, at superintendentane fekk relativt tarvelege kaar - samanlikna med sine katolske fyremenn -, dei vart sett paa fast løn i pengar og naturalia, og baade inntekter og bustad var tilvist deim gjenom kongelege lensherrar. I regelen kunde difor dei evangeliske biskopane ikkje paa langt nær mæla seg med dei katolske i sosial rang og stilling, og dei maatte innretta si aatburd og ferd deretter.

Karakteristisk er ei rettleiding fraa 1500-talet um korleis ein biskop skal stella seg med umse stender, m.a. med adelsmenner. Rettleidingi er forfatta i Danmark, kanskje av Peder Palladius, men ho finst blandt biskop Jens Nilssøns opp-teikningar.

I samtalar med ein adelsmann skal ein biskop bruka verba honoris: "min gode Herre, Eders Strenghed, Eders Fromhed, Eders Godhed, Jeg vil gaa efter eder". Um adelsmannen vil disputera, og t.d. forsvara katolsk læra, skal superintendenten anten tegja, eller svara audmjukast: "Min fromme Herre, min fromme Mand, Jeg er ickon en fattig Tienere, der thil jeg haffuer siddet paa mine Kne oc suorit Kong. Majestet at ieg vil vere tro udi mit Embede, oc eder oc andre aff adelen er befalet, at hanthaffue mig, saa troer ieg ocsaa det gode til eder<sup>3</sup>".

I Noreg høyrde riktignok dei fleste av superintendentane i den fyrste tid til laagadelen, likesom fleire medlemmer av det høgaste presteskap. Men seinare var vaare biskopar - likesom i Danmark heilt fraa fyrsten - av borgarleg øtt. Og dei reknast alle for aa staa langt under dei mektige høgadelege kongelege danske lensherrar. Tilhøvet millom desse stormenn, som hadde overteke den ytre kyrkjestyring etter dei gamle biskopane, og dei evangeliske superintendentane som skulde føra den aandelege bispegjerning vidare, var ikkje alltid det beste, - stundom daalegt. - Tvo serleg graverande tilfelle av høgadeleg ovmod skal umtalast.

Lensherren i Trondheim, dansken Evert Bild (1553-64) gjorde ei tid livet surt for superintendenten mester Hans Gaas. Han bar fram for kongen urettvise klagemaal over kyrkjestyringi i Trondheims bispedøme, - det heitte, at der var "stor forsømmelse paa religionen", og at ordinansen ikkje vart halden, - og han la byrder paa domkapitelet og paa presteskapet, som desse fann urimelege, og som ogso utan tvil gjekk lovi for nær. At baade biskopen i eigen person og sendemener fraa kapitlet for til Danmark for aa forsvare seg til kongen, gjorde berre Evert Bild enndaa meir paagaaande. Og det lukkast honom, med samtykke av kongen, aa faa drive biskopen burt fraa hans residens, Helgeseter kloster, under det paaskotet at klosteret trengtest til avlsgars for kongsgarden (den fyfve erkebispegarden) i Trondheim. Seinhaustes 1559 fekk biskopen oversendt fraa Evert Bild kongebrevet um at han skulde flytja ut or Helgeseter kloster og inn i deknegarden i Trondheim, som heretter skulde vera bisperesidens. Og alt tridje dagen etter maatte biskopen overlevera klosteret til lensherren, som let sine folk setja laas for laave og for, so biskopen stod paa berr bakke med sine hestar og sitt fe framfyre vinteren. Biskopen klaga si saare naud for kongen, med full grunn, og med godt samvit, for kapitlet gav honom det beste vitnemaal for uklanderleg og nidkjær embetsførsla.

Konflikten millom lensherre og biskop var ei tid so kvass, at bispinna ottast han skulde kosta hennar husbond livet. Sjølv hadde ho røynsla for, at ein kunde venta seg noko av kvart fraa hr. Evert Bild og hans fruva Vibeke Podebusk. Fyrste gong bispinna, som var av fattig adeleg ætt, var bodi til gjest hjaa lensherrefolket, tiltala Evert Bild henne med grove skjennsord, og slo den eine ølkanna etter den andre over hovudet og klædi hennar. Sidan hendte det, at lensherrefruva kjente seg krenkt ved at bispinna ikkje reiste seg for henne naar ho kom inn i kyrkja og naar ho gjekk ut att. Tvo gonger sendte den stolte dama høgtidelege deputasjonar til bispinna for aa beda um ei forklaaring av henne og biskopen, - andre gongen talde deputasjonen ikkje mindre enn seks mann, deriblandt borgarmeisteren i Trondheim og fire kanikar.

Frederik II stemnde Hans Gaas og Evert Bild fy<sup>r</sup>e seg til

Odense midsumar 1560. Evert Bild møtte, man Hans Gaas som var paa visitasferd langt uppi Nordland, fekk innkallingi for seint, - kanskje ikkje utan Evert Bilds skuld - , og hadde soleis ikkje høve til aa forklaara seg. Kongen gav Evert Bild medhald, og biskopen fekk ikkje Helgeseter tilbake<sup>4</sup>.

Lensherren paa Bergenhus Peder Thott (1589-96), ein annan dansk storadelsmann, bar seg ikkje mindre brutalt imot prestane i Bergen og biskopen Anders Foss. Striden byrja med at han i 1590 let Anne Pedersdotter, enkja etter lektoren og slottspresten i Bergen, m. Absalon Pedersson Beyer, tiltala for trolldom, og lagmann, borgarmeister og raad i Bergen dømte henne til dauden paa baalet. Tvo av prestane i Bergen, som hevda at Anne Pedersdotter var uskuldig, gjekk i forbøn for henne hjaa lensherren, og bad honom fritaka henne for denne urettferdige straff. Men Peder Thott var ubøygjeleg, og Anne Pedersdotter vart ført til rettarstaden og brent levande. Det vart sagt, at dei tvo prestane song salmar saman med henne, og ved baalet tok dei til orde og ropa at ho var uskuldig og mælte imot domen. Saki vekte stor "trøtte og had" imillom domarane og presteskapet i byen, og Peder Thott stod her imot prestane. Daa ein av dei, hr. Hans Jørgemssøn, sokneprest ved Korskyrkja, ogso vaaga aa koma med "utilbørlige skjeldsord" mot øvrigheiti i ei preika, vart han klaga av Peder Thott for stadhaldaren og suspendert. Etter kongeleg ordre kom stadhaldaren Axel Gyldenstjerne, sjølv til Bergen for aa forlika dei stridande, og han fekk forlik i stand, men regjeringsraadet, Peder Thotts standsfelagar, forlangte rettsleg tiltale mot dei tvo prestane; hr. Hans Jørgenssøn vart stemmd til Kjøpenhamn for aa staa til andsvar, og er dermed ute or saga.

Samtidig hermed brygde det upp til strid millom lensherren og biskopen. Nokre personlege "irringer" millom deim let seg utan serleg vanske jamna. Men ein aalvorleg torn i auga paa lensherren var det, at biskopen, honom uspurt, hadde vaaga seg til aa "lade udgaa mange og adskillige nye forordninger baade udi geistlige og verdslige sager der i byen og paa landet udi hans stift". Det galdt utan tvil statuttane paa Bergenssynoden i 1589 (og 1584?). Peder Thott klaga til stadhaldaren over denne - som han meinte, eigenmektige aatferd av biskopen.

Som um der ikkje i aarrekkjor var gjort liknande vedtak paa stiftssynodar i Danmark. Stadhaldaren fann berre 2 punkt som han støytte seg paa. Men under forhandlingane millom stadhaldaren og lensherren og biskopen laut biskopen bøygja seg og forplikta seg til aa skriva til alle prestane som hadde faatt synodeartiklane og kalla deim tilbake<sup>5</sup>. Regjeringsraadet godkjente at stadhaldaren soleis fekk dei bergenske synodeforordningane "igjenkaldet og afskaffet". Men ikkje nok med dette.

Ein trollmann fraa Nord-hordland, Olav Gausdal, som vart teken i forhøyr i Bergen 1590, skulda bispinne Foss, Marine Robertsdotter, for aa ha gjort svartekunster saman med honom. Dette utnyttta hr. Peder Thott og prøvde aa faa bispinna innvikla<sup>1</sup> ein hekseprosess. Biskopen hevda at ho var uskuldig og viste dette med hennar alibi paa den tid heksekunsterne skulde vera gjort. Men Peder Thott heldt fast paa sitt og vilde ikkje lata dom gaa over Olav Gausdal, fyrr bispinna var avhøyrd. Biskopen laut fara til Kjøbenhavn for aa faa eit kongelegt vernbrev for seg og bispinna mot slik baktaling og overløst; Peder Thott fekk paalegg um aa taka biskopen i forsvar og lata honom vederfara same rett som andre biskopar<sup>6</sup>. Men Peder Thott hevda, at saki galdt bispinna og ikkje biskopen, og kravde framleides at ho skulde møte for retten og svara paa dei skuldingane som var retta imot henne av Olav Gausdal, men no ogso av tvo andre trollkonor. For andre gongen laut m. Anders Foss til Kjøbenhavn og beda um vern, denne gongen serskilt for bispinna<sup>7</sup>. Hausten 1592 møtte biskopen i retten og heldt ein kraftig forsvartale for si hustru. Endskapan paa det heile er ikkje kjent, men det er truleg at det hev lukkast honom aa frelsa henne fraa baalet<sup>8</sup>.

Ved reformasjonen hadde den verdslege øvrigheit<sup>8,9</sup> overteke den oppgaaava etter dei katolske biskopane aa vera forsvar for kyrkior og prestar. Og dei store lensherrane og stadhaldaren studde prestane i kravet um aa faa inntekterne retteleg. Men i dette stykke<sup>9</sup> var futane og dei smaa lensherrane traude. Presten Peder Claussøn fortel, i si skrift um tienden paa Agder, eit par rett illustrerande episodar. Han tala ein gong med ein junker i Lista len um kor vanskeleg det var aa faa aalmugen til aa svara tiende som han burde, "og gav ham den handel klageligen tilkjende og begjerede at han vilde føye nogen raad her til at almuen maatte tiende retferdeligen



etter Guds lov og kongelig breve og mandater, og at han vilde tage deris brødepenge alleniste (i det minste) for it aars uretferdige tienden og kongens brevers foraktelse, at de derav kunde blive bevegede til at rette sig i den handel". Presten fekk det svar av junkeren, at naar det galdt kongen aaleine, eller kongen og kyrkja aaleine, daa gjorde han sitt beste. Men han vilde ikkje vera streng mot bønderne for prestens skuld<sup>10</sup>.

Enndaa meir illustrerande er det, Peder Claussøn fortel um futane i Lista len, etter møtet um tienden i Skien 1576: "Jeg hørde selv i Skiene, at statholderen befalede Mads Nilssøn, den tid foged her i lenet, at naar han kom her hjem i lænet, skulde han tilholde almuen at tiende retferdeligen, men han skjøtte der intet om, mere end de andre gjorde, og lad hver tiende saa som han selv vilde. Og naar han derom blev tiltalet og paamindet av presterne, da svarede han, at han for 3 eller 4 prester skyld her i lænet kunde han ikke tage sig all almuens vrede paa; thi han aktede og at blive en bonde og bo iblandt dem, og vilde derfor ikke fortørne dem... Og saadan svar finge vi av Finn Nilssøn ligesaa, som blev fogit efter Mads Nilssøn. (Dette bevises av deris gjerninger)"<sup>11</sup>.

Men i andre tilfelle kunde junkerar og futar nok visa si mynja. Prestane i Stavanger bispedøme klaga paa synoden i 1573 over at lensherrane for "paa det allerstrengeste" med dei i rettsaker<sup>12</sup>. Og medan prestekalle stod ledige, kunde det henda at futane tildømte arvingane til den avlidne presten nokre av husi paa prestegarden, fordi presten hadde bygd dei upp<sup>13</sup>.

Ein av grunnane til dei vanskane prestane kom upp i med den verdslege øvrigheit, skreiv seg ifraa, at det raadde ulike meiningar um kvar prestane hadde sitt rette verneting. Ordinansen fyreskreiv at rettsaker som galdt ein prest, skulde fyrehavast fyrst av provsten, sidan av superintendenten, og tilslutt visast til "herskabet, eller (til) lensmanden der sammesteds" (ad magistratum deferantur, sine ad loci præfectum)<sup>14</sup>. Etter ordi maatte dette vera soleis aa forstaa, at dei einskilde kjøpstads-magistratar og lensmenn, kvar i sin by og i sitt len, skulde hava med prestesakerne aa gjera. Men at denne skipnaden maatte verta ulagleg, ikkje minst for prestane, ligg i dagen, serleg i dei mindre len, for der var innehavaren ofte ikkje sjølv busett i lenet, og fleire smaa len var berre ~~for~~ kort tid i senn paa same hand.

Difor innførte kongen i 1557 den ordning, at lensherren paa

Akershus skulde aaleine raada over dei geistlege i Oslo-Hamar stift, og ikkje dei einskilde lensmenn<sup>15</sup>. - Men i dei andre bispedømi ser det ut til, at der ingi forandring skjede i dette stykke. Her vart den geistlege jurisdiksjon framleides tillagt einskilde lensherrar<sup>16</sup>, - heller ikkje hovudlensmennene paa Bergenhus og Trondheimsgard hadde, etter lensbrevi<sup>17</sup>, jurisdiksjon over prestar vidare enn i sine egne len. - Situasjonen var daa i 1590 den, at utanum Akershus meinte hovudlensherrane at dei ikkje hadde med andre lensmenn og deira futar aa gjera, "ei heller over presterne at skaffe", nemleg i andre len<sup>18</sup>. Og sjølv um stiftsynoden i Bergen 1584 innprenta rettargangsordningi i geistlege saker i samhøve med kyrkjeordinansen og Ribe-artiklane<sup>19</sup>, so var der prestar som meinte, at dei ikkje stod under under nokon lensmann i det heile: "de kjende ingen dommere over sig uden Kongelig Majestæt und menige Danmarks Riges Raad"<sup>20</sup>. Som heimel for dette paaropa dei eit kongebrev av Christian III, utferda fyre kyrkjeordinansen<sup>21</sup>. Kva dei sikta til, er òvvisst. Men paastandet kan ikkje vera teke ut or lufti. Mogeleg hev reformasjonskongen, for aa vinna det norske presteskapet for den nye kyrkjeskipnaden, lova deim eit liknande privilegium som det han i 1538 gav presteskapet i Skaane, nemleg at "ingen skal være deris domer uden vi sjelv"<sup>22</sup>. - Her gjekk Regjeringsraadet i Christian IV's mindreaar ein millomveg: i saker som galdt tilhøvet til bønderne, fekk no hovudlensmennene paa Baahus, Bergenhus, Trondheims gard og Vargøyhus i 1590 kongelegt paalegg um aa halda uppsyn sovel med lensmenn og futar som med prestane ogso i dei minste leni, og i dette stykke skulde dei staa til rette - ikkje for hovudlensmennene, som Axel Gyldenstjerne fyreslo<sup>23</sup> -, men for stadhaldaren<sup>24</sup>.

Etter reformasjonen vart presteskapet skattlagt av kongen, likesovel som bøndern og borgarar, - riktignok ikkje kvart aar<sup>25</sup>, men til gjengjeld so mykje hardare. Den skatten som presteskapet maatte vera med aa bera, var "landskatten", "den almindelige skatt og landehjelp", og det var serleg til landsforsvaret og fyrst og fremst i krigstider at kongen kravde skatt av presteskapet. I fyrstninge paala kongen gjerne ein viss skattesum under eitt paa presteskapet i kvart stift, sidan maatte dei svara ein viss lut av aarsinntekti: ein fjordedel eller ein tridjedel, stundom ein halvdel. Ogso kyrkjorne tok kongen skatt

av.

Under sjuaarskrigen laut dei geistlege, umfram skatten, ogso hjelpa kongen med "folk og fetalje"(nordanfjells 1565)<sup>26</sup>, eller med "folk at udgjøre, knekte at holde" o.a., og um dei sat "ulydige og uhørsomme" i so maate, gav kongen (1569) lensherren paa Akershus fullmakt til aa stemna dei for lagretten og taka dom over dei etter Noregs lov<sup>27</sup>. - Ogso i frædstid maatte prestar halda landsknektar for kongen, - i 1580 fritok Frederik II Oslo kapitel for denne tyngsla<sup>28</sup>.

Men serleg var det ei økonomisk byrde fraa den katolske tid, som etter reformasjonen vart ei stor plaaga for prestane, nemlig "gjesteriet". Den gamle biskopsgjesting - plikti til aa halda biskopen og hans folk paa embetsreisor - vart framleides kravt av kongen som ei sekularisert biskopelig rettigheit, ho kallast og stundom "visitats"<sup>29</sup>. Han stadfesta denne plikt for prestane i heile Noreg i 1558<sup>30</sup>, og serskilt i Oslo-Hamar stift 1560<sup>31</sup>, og fyreskreiv at lensherrane skulde verdsetja gjesteriet i pengar og krevja gjestepengar i staden. - I Trondheims bispedøme møtte paalegget sterk motstand, daa lensherren Evert Bild kom fram med det og forlangte av prestane "enten at holde hannom, hans karle og hester gesteri eller at give hennom gestedeinger hvert tridje aar, - hvilket (heiter det) oss sværlige vil plage og bemøgje, fordi vi have gjesteri alt aarit igemmel, udav fogderne, deris karle, og saa udav andre som drage erinde i lenene, desligeste og udav andre fremde folk, saa vi ikke ofte vide oss fri for gesteri natt eller dag, fordi hver søger til prestegaardin for almugens fattigdom skyld, og hvilken der kommer til presterne, faa mesteparten mad og øl for intet efter Norriges rigis lovlige sidvane"<sup>32</sup>. - Ei klaga til kongen vart bori fram av tvo utsendingar, 1559.

Der var og verkeleg grunn til klagemaal fraa prestane over gjesteriet. Prestegardane vart gjesta snart av lensherren med 10-12 sveinar ein gong eller tvo um aaret<sup>33</sup>, snart av futane som heldt ting i prestegardane<sup>34</sup>, snart av folki aat lensherrane og futane: styrmänner, byrseskyttarar, sagskjerarar, baatsmänner, og andre. Med slike gjester fylgde det stor uro, - "presten forhindris fra sin bog og studering, saa at han ikke kan gjøre den rette tjenist, som han burde", ja futen og hans folk skjæmdest ikkje ved aa driva lauslivnad i prestegardane.

Det var difor med full rett, at prestane i Stavanger bispedøme i 1573 reiste klaga over gjesteriet, og kongen avskaffa daa straks denne byrda i dette bispedøme.<sup>35</sup> Rimeligvis er ho ogso falle burt i andre landsluter.

Ei onnor sak var det med gjesting av vanlegt ferdafolk. Den kunde ingen hindra eller forbjoda. Og som Trondheims bispedømes presteskap heldt fram i 1559: det var skikk og bruk at reisande tok inn i prestegardane, -der vart dei alltid mottekne som gjester. Men for dei prestar som budde nær ved allfarveg, vart denne gjesting ei stor tyngsla. Difor søkte og fekk fleire prestar i ymse landsluter hjelp av kongen, som vederlag for den gjsteplikt dei maatte bera. Og dei fekk hjelp, stundom av kongetienden, stundom av visse kyrkjelege inntekter eller paa annan maate. Dei eldste gjesteprivileg for prestar av denne art er fraa aar 1577. I reformasjons-hundradaaret er dei tildelt fylgjande sokneprestar: paa Avaldsnes ved Karmsund<sup>36</sup>, i Opdal<sup>37</sup> og Melhus<sup>38</sup> ved vegen over Dovrefjell; i Stjørdal<sup>39</sup> og Skogn<sup>40</sup>, den sistnemnde for marknaden skuld, som vart halden ved prestegarden; paa Rødøy i Nordland<sup>41</sup>, i Tune i Austfold<sup>42</sup>.

Som stand var presteskapet etter reformasjonen ikkje lenger privilegert framum andre, - burtsett fraa at hods og inntekter som hørde embeti til, var trygda deim ved ordinansen. Christian III tilstod i 1546 prestane i Oslo-Hamar bispedøme tiendefridom av prestegardane<sup>43</sup>, - men um dette privileg er blitt varigt og aalment for heile landet, er ukjent. - At nokon prest ikkje hadde prestegard, var eit reint undantak<sup>44</sup>. Men mange prestar klaga over, at det skjede deim "stor forfang og urett" paa hennende som hørde til prestegarden, fraa aralds tid, skog, fiske o.a.<sup>45</sup>.

Det kann ikkje vera tvil um, at dei økonomiske vilkaar for prestane vart mindre lokkande etter reformasjonen enn fyrr. I den katolske tid var dei høgaste embeti i kyrkja serleg ettertraadde av adelen, ogso i Noreg. Ikkje berre dei siste katolske biskopane i vaart land, men ogso mange prælatar og andre høgare geistlege var av adeleg ætt. Ogso i den fyrste tid etter reformasjonen gjekk søner av laagadelen framleides i tenesta aat kyrkja, helst som kanikar. Men dette vara ikkje lenge, og i slutten av reformasjonshundradaaret er det sjeldan aa finna ein fødd adelsmann i kyrkjelegt embete. Den gamle ættearistokratiske kjernen i prestskapet kvarv etterhand.

Men ogso burtsett fraa det adelege element hadde kapitli i den gamle kyrkja, med sine prælaturar, utgjort ein sterk og distingvert høgare embetsklasse. Den gradvise umskiping av kapitli etter reformasjonen hadde den verknaden av kapitli fekk ein annan sosial karakter, og skilnaden millom dei og presteskapet elles var meir utjamna. Og sjølv um der var stor økonomisk ulikskap millom dei einskilde presteembeti, i fjell- og fjordbygder og i flatbygder og byar, so var likevel den evangeliske geisteligheit no som stand meir einsarta enn fyrr.

I den leid drog ogso regnteringi av prestelønnerne i Trondheims stift, ved reformatsen 1589. Dei residerande kapellanane skulde ha prestegard og uppebera presterettigheitene i sine anneksokner. Ogso for den lægste presteklassen, huskapellanarne - *domestici sacellani* - fastsette reformatsen løn, som etter den tids vilkaar maa reknast for retteleg god, nemleg fri kost og 8 eller 10 eller 12 dalar, maximum 14 dalar i Orkdal.

Men um adelen drog seg tilbake fraa kyrkjeembeti, so vart det gjennom presteekteskapet knytt nye sosiale band millom prestane og andre samfundslag, sovelsom millom prestane innbyrdes. Og her staa med ved ein av dei viktigaste sosiale verknader av reformasjonen. Til dei verdslege embetsmenn: lagmenn, futar, skrivarar, raadmenn, borgarmeistrar, stod dei evangeliske prestane stort set i godt tilhøve - Stavanger bispedøme fraarekna. Og ved venskap og frendskap vart prestefamilier og verdslege embetsmannsfamilier - tildels høyrande til laagadelen - knytt nær saman over store luter av landet. Dette kann ein studera i Oslo-Hamar og Bergens og Trondheims bispedøme. Her lagar det seg beintfram større genealogiske kompleks, - serleg i Oslo-Hamar stift ei stor og vidt utbreidd gruppe med centrum i familierne aat bispane Frants Berg og Jens Nilsson, og ei onnor gruppe kring dei upplandske lagmanns-familierne.

Gjennom prestesøner og prestedøtrar, prestesysterar og prestenkjer vart det vidare knytt vidt utgrina samband i alle leider, baade millom prestane innbyrdes, og med andre embetsfamilier. Innan lang tid lagar det seg formelege prestsdynastier, som er representert ikkje berre samtidig i fleire prestegjeld, men ogso led etter led i same embete. Ynskjet um aa finna jamngodt parti ved giftarmaal verkar til aa styrkja stands-

interessa og standskjensla hjaa presteskapet. I same leid dreg den felles lærde utdanning.

I sosial rang stod den evangeliske geistlegheit næst etter adelen. I millomalderen hadde biskopar og prælatar rang og sæte fyre hovdingane. Etter reformasjonen var kyrkja ikkje lenger den fyrste stand i samfundet. Men den evangeliske geistlegheit stor over alle andre embetsmenn. Rangordenen viste seg ved gjestebod i 1590-aari<sup>46</sup>. Paa den fornemste plassen sat adelspersonar, dernest biskop, kanikar, sokneprestar, kapellanar, og etter deim kom lagmenn, borgarmeister, raadmenn, futar, dei beste borgarar, og tilslutt "den gemeine mand" i borgestova.

Som eit serlegt politisk stand - riksstand - vart presteskapet ikkje rekna fyrr lenge etter reformasjonen var innført. Til den danske riksdagen i Kjøpenham i 1536 var adel, borgarar og bønder innkalla, men ingen geistlege, - av forstaaelege politiske grunnar. Det same var tilfelle ved den norske kongehyllingi i Osø 1548.<sup>47</sup> Fyrst til konge-hyllings-riksdagen i Oslo 1591 var alle fire norske stender innkalla, men representasjonen for prestskapet var tunn, - kanskje mest av økonomiske grunnar.<sup>48</sup> Paa 1600-talet derimot tok presteskapet til aa spela ei større og etterhand viktig rolle som politisk stand.

I reformasjonshundraaret er det paa andre maatar at presteskapet gjer seg offentleg gjeldande som stand. Ved ymse høve kunde deira standsinteressor finna uttrykk ved organiserte aksjonar, - som naar prestane i ymse landsluter sendte deputasjonar til Danmark til kongen, eller (i 1570-80-aari) til dei kongelege retterting i Noreg, med klagemaal og søknader<sup>49</sup> - Men viktigare var dei kyrkjelege synodane, sjølv um desse, sovidt me veit, langt ifraa vart haldne regelbunde, og berre vart søkt av eit mindretal. Her vart fyrehavt alle slag saker og spursmaal som galdt prestegjærningi og embetsvilkaari, og her kunde difor fellesskapet baade i oppgaaavor og i andsvar leggjast prestane paa hjarta.

Hadde kyrkja i millomalderen havt mangein kamp aa utstaa for sin fridom som samfund, so var det i reformasjonshundraaaret ikkje blitt lettare for hennar tenarar aa hevda ei uavhengig stilling. Stoda aat prestskapet i samfundet var ofte som millom borken og veden. Heldt dei strengt paa sine økonomiske rettar, fekk dei strid med aalmugen, og maatte endaa

mangeingong sakna hjelp av den kongelege øvrigheit. Det var deira embetsplikt aa refsa synder, hos høge og laage, men daa fekk dei snøgt den eine eller den andre parten imot seg, eller dei kunde umvendt vinna samhug hjaa den eine parten ved aa refsa den andre.

Paa synoden i Stavanger 1573 heitte det: "Klager og presterne, at de blive truit og undsagd, naar de gjøre deris embede, enten prediken eller bannsetning, - ere begerendes derfor, at de maatte nyde fred og ikke truis og overfaldis av saadanne overvoldsmend"<sup>50</sup>. - Idealet var, at prestane i sitt embete var urådde og upartiske, som biskop Jørgen Eriksson segjer:<sup>50b</sup> "Lige som en part øvrighedsmend og ypperlige verdslige personer se vel gjerne at predikanterne vilde stedse overhøre undersaatterne og de personer som udi nederstat ere, og dennom flitteligen og skarpelige formane og straffe, men at nogen skulde dennom selv paaminde og straffe, det se de ikke gjerne. Og tvert om igjen vilde og undersaatterne og almuis folk saare gjerne, at predikanterne udi alle prediken med straff og paamindelse skulde fast indstøde paa øvrigheden og andre høye og ypperlige personer, og mene at saadanne folk skulde vel vere straff verd, og de sjelv skulde findis uskyldige. Men dette er ikke rett tenkt paa nogen side. Thi alle menniske, baade høye og lave, den ene saa vel som den anden, have vel behov at holdis regenskab med, og er derfor tilbørligt, at den ene men den anden bliver paaminte, straffede og formanede udav Guds Ord, som her udi ikke anser nogens person".

Kravet til prestane sjølve um verdig livnad og embetsførsla - slik som det kom til orde i formaningar fraa biskopane, galdt ikkje berre deira moralske liv, men hadde ogso ei sosial og kulturell sida.

Ein skulle kunna sjaa utanpaa ein prestemann kva han var. Han maatte kleda seg etter sitt stand, og ikkje taka etter verslege modar og prøva aa likna ein hovmann. Ordinansen fyreskreiv: "og alltid skulle de gaa udi en rett presteklæde, som det sømmer sig en Guds ords tjener"; dette galdt alle som tente baade i kyrkja og skule.<sup>51</sup> Men i reformasjonshundrad-aaret var det naudsynlegt, paa synodar og visitasar, atter og atter aa formana prestane i dette stykke, - soleis ogso i Noreg i 1580-90-aari.<sup>52</sup> Prestane maatte ikkje bera moderne borgarleg klædnad, kort trøya eller livkjortel og stutt kappa, soleis at broki bart synleg<sup>53</sup>, men klæda seg i lang samarie og

sid kapp, - ikkje bruka spiss hatt, ei heller høg huva med skinnbrem, men ein laag hovudbunad, - ikkje gaa med utskorne flikete sko, - ikkje bera "fyrør eller anden usømmelig verje"<sup>54</sup>.  
 - Ein prest skulde bruka den same klædnad naar han ferdast blandt folk, som nær han gjorde si embetstenesta; men ved altaren maatte han vera iført liturgisk klædnad, og ikkje forretta i sine daglege klæde, framfor alt ikkje i stutt bunad<sup>55</sup>.

Prestekonorne vart det paalagt aa "have sig efter deris hoesbundes kald med sømmelig klædedrakt og smøkke uden fløyelskraver, damaskes trøyer, guldkjeder og andet, som deris stat ikke bekvemmer"<sup>56</sup>.

Paa den andre sida burde prestane ogso skilja seg fraa bønderne. Synoden i Bergen 1589 tok seg av byggjeskikken paa prestegardane og fyreskreiv at husi ikkje maatte vera altfor bondske og fattigslege" (*nimis rustica exiliaque*) og ikkje liggja i uorden, men helst byggjast i firkant, vendt mot soli, som i Danmark, og heller faa og store hus, inndelt i fleire rom, enn mange ørsmaa hytter<sup>57</sup>. I den fylgjande tid gjekk daa ogso prestane paa Vestlandet jamnt over fraa røykstovor til glasstovor. Og sjølv um det danske fyrebiløte ikkje vart gylgt i synderleg mun, kann det merkast at byggjeskikken paa prestegardane over heile landet tek til aa utvikla seg meir i herskapeleg leid.



## NOTER

1. f.243 b
2. f.243.b
3. Ny Kh. Saml. I,350-1; jfr.VI,130-1.
4. Bang 170-180
5. N.Saml.I,542-3
6. NR III,175
7. NR III,256
8. N.Saml.I
9. DKL I, 118
- 9a.Paus 355.362
10. P.Cl.229-30
11. P.Cl.228-9
12. StDP 555-56
13. NR I,650
14. DKL I,114; lat s.53. At "magistratus" = "herskab" her tyder kjøpstadsmagistrat, framgaar av DKL I,113 l.28, jfr.m.lat. s.52; og av DKL I,118 (lat.s.53).
15. NR I,224.225, jfr.II,27.232.422.519.696f.
16. NR I,700
17. NR III,36.50
18. N.Saml.I,540
19. N.Mag.II,92-3.
20. N.Saml.I,540-1.
21. s.540
22. Ny Kh S.II,703-4. DKL I,16-17.
23. N.Saml.I,541
24. NR III,149
25. NR I,67f.(1543),71f.(1544),87(1546),299f.(1560),380f.(1563) 512f.(1566)osv.
26. NR I,478
27. NR I,640f
28. NR II,387 = Suhms Saml.t.d.danske Hist.II 3,207-8.
29. NR I,116
30. NR I,236
31. NR I,289
32. DN IV nr.1141
33. DN XIII,s.791
34. jfr.Hans Gaas's memorial 1552 §12
35. StDP 556  
NR II,64-65
36. NR II,224
37. NR III,571. IV.169
38. NR II,240 .III,192
39. III,192
40. III,193
41. II,475 Reformatsen 1589 (s.412) meiner at presteløni er snaud "besynderlig for dem som udi en alfar vei bo"
42. III,245f
43. NR I,87
44. StDP 557f. Bang Rg 259.
45. StDP 556
46. NR III,146. JNV 91f
47. Johnsen 87
48. Skrede 168
49. Johnsen 104 ff.
50. StDP 557
- 50b.Jonas,bl.85a-b
51. DKL I,100
52. Prestegaardsliv 104ff  
N.Mag II,242  
JNV 202.210-1

53. jfr. A.Musculus's bok um Hosedjævelen, umsett av P.Palladius  
1556, Pall.DSkr IV
54. DK1 I,466f
55. N.Mag.II,95  
NyKhS II,488
56. DK1 I,467,1555
57. NMag.II,242

### Humanisme

I Noreg, likesom i Danmark og Tyskland, viser det seg samanheng millom reformasjon og humanisme. Ein kan segja det so, at der det i fyreveg fanst humanistisk sans, fekk reformasjonen lettare tilslutning, og der reformasjonen fann inngang og slo rot, der fylgde den humanistiske aand med. Humanismen er paa same tid i ein viss forstand ein fyresetnad for og ei frukt av reformasjonen.

I vaart land er humanismen paa det næraste knytt til den evangeliske latinskulen, - skulen var beraren av det humanistiske daningsideal, som sette i fyrste rekkja kunnskapen i latin, ~~ixmxtetnadxtixdaxmillomaldertoge~~ og det i klassisk rein latin, i motsetnad til den millomalderlege barbariserte latin; til dette hovudemne kom kyrkjesong, katekisma og bibellesnad, og paa høgare steg elementar av græsk og hebraisk og ei stutt framstilling av den kristne læra. Hovudvekti i skulen laag paa det humanistiske element: opplæring i dei gamle kyrkjelege og bibelske maali, lesnad av klassiske heidne forfattarar til oppøving av maalsansen, fullt herredøme over latinen etter det klassiske fyrebilæte, baade munnleg og skriftleg - sjølve undervisnings- og talemaalet i skulen var latin -, skolering av den formelle og logiske evna gjennom retorikk og dialektikk, og øvingar i latinsk brevstil og verskunst. Dette var i røyndi ikkje noko nytt, - det var det gamle tradisjonelle trivium: grammatikk, retorikk, dialektikk, som skulen framleides arbeidde med, - det nye var, at latinopplæringi vart lagt heilt um paa klassisk grunn, og at dei bibelske grunnmaali græsk og latin kom inn attmed det gamle kyrkje- og lærdomsmaal latinen.

Ved universiteti heldt den humanistiske undervisning fram paa det same umraade, og paa den same grunn som i trivialskulen, men no utvida med fleire av dei læregreiner som reknast til det filosofiske studium: fysikk, matematikk, etikk o.fl. "Linguae et artes", dei gamle spraak og dei frie vitenskapane, var det humanistiske kunnskapsmaal, naudsynlegt for alle som vilde tena i kyrkja. Som Melanchton og Luther segjer i instruksjonen for visitatorane i Sachsen 1528 og 1538, - ord som Bugenhagen tek uppatt etter deim i fundatsen for universitetet i Kjøbenhavn 1539: "Det bør ikkje tolast, at slike folk blir sokneprestar, som vanvyrder alle frie vitenskapar og ikkje eingong kann tala latin, so dei kan lesa og forstaa gudlege skrifter og heilage lærdomar"<sup>1</sup>. Staar dei tilbake i dette stykke, daa

er dei ute av stand til aa fremja barneskular og studeringar og gudsfrykts lærdom blandt den ulærde aalmugen, ja dei gjer jamvel sitt til aa bryta alt slikt ned, naar dei reknar det for tilrekklegt aa kunna lesa tysk og dansk. Ulærde og ustuderte folk kann ikkje vera prestar og staa fyre kyrkjelydar, men berre menn som er "kunnige i spraaki og i andre vitskapar" og som er mektige i ordet til<sup>v</sup>læra kyrkjelyden og stoppa motstandarar og halda seg og kyrkjelyden fri for falsk læra.

Me hev fyrr teke kjennskap til undervisningsplanen for latinskulen i kyrkjeordinansen 1537/39. Me hev set, korleis dei norske latinskulane i den fyrste menneskealder etter reformasjonen la si verksemd i den leid ordinansen fyreskreiv. Og den same leid fylgjer dei vidare fram.

Tidstypisk er det, at skulebøker av utanlandske humanistar stadig er i bruk. Me møter tyske, nederlandske, franske og spanske namm: Philippus Melanchton (latinsk gramatikk, retorikk, dialektikk), Petrus Mosellanus (Pædalogia), Johannes Spangenberg (musikk), Sebastianus Münster (hebraisk gramatikk), - Erasmus Roterodamus (Colloquia), Hermannes Torrentinus (latinsk grammatikk), Maturinus Corderus (Colloquia), Nicolaus Borbonius (Pædagogia), - Johannes Ludovicus Vives (Colloquia).

Som lærarar i dei norske latinskulane dominerte humanistane heilt. Den universitetsutdanning som rektorar og tildels høyrarar sat inne med, var den humanistiske, som studium ved det filosofiske fakultet gav. Det var hovudsakleg ved humanistisk universitetsstudium, stundom avslutta med graden som magister artium, at ogso lektorane i teologi kvalifiserte seg til si gjerning. Og vaare biskopar i reformasjonshundraaret var i fyrste rekkja humanistar, som den filosofiske magistertitelen dei fleste av dei bar, viser.

Det filosofiske fakultetet, det lægste av dei fire universitets fakultet, gav den aalmenne, felles, humanistiske utdanning som alle hadde bruk for, ikkje minst teologane.

I denne forstand skulde filosofien, etter tankegangen aat reformatorane, framleides tena teologien. Det humanistiske studium var ikkje noko sjølvformaal, men ei fyrebuing til det teologiske. Studiet av Skrifti og av den kristne læra hadde til fyresetnad eit solid humanistisk grunnlag.

Men eigenlege teologar var likevel sjeldsynte i den norske kyrkja i reformasjonshundraaret. Biskop Jørgen Eriksson hadde

fyrst studert 2 aar i Kjøbenhavn "udi boglige kunster", truleg i dei filosofiske læregreiner, og deretter 2 aar i Wittenberg "udi den Hellige Skrift"<sup>2</sup>. Men so vidtgaaande studium var meir for undantak aa rekna. I regelen heldt teologisk opplæring seg innanfor dei greiner som teologien kunde faa i samband med latinskulen og det filosofiske universitetsstudium.

Ein regelbunden og avslutta obligatorisk teologisk studieskipnad var ikkje fyreskriven. Universitetsstudium var i det heile ei friviljug sak, - det var fyrst Frederik II som kravde det av alle prestemme, ved kommunifundatsen av 1569, kunn-gjort for biskopane i 1573<sup>3</sup>. Men kravet var ikkje tydelegare formulert, enn at ein skulde "nogen aar fliteligen og vel... have studerit". Men for dei fleste nordmenn maatte studietidi av økonomiske grunnar varta rett kort, og dei humanistiske læreemni, som kom fyrst, maatte daa faa hovudvekti, og teologien fekk nøgja seg med eit mindre rom.

Av alle desse grunnar kom teologien ikkje til aa naa nokor sjølvstendig utvikling hjaa oss i reformasjonshundraaret. Ho heldt seg stort sett paa eit meir elementert eller praktisk nivaa. Og naar ho freista aa verta noko meir, klødde ho seg i den humanistiske skulebunad, med heile det ytre lærdomsapparat som dertil høyrde (jmf Oslo-humanistane.)

Soleis er det humanismen og humanistiske interessor som sterkast set merke paa aandslivet i den norske kyrkja i reformasjonshundraaret. Den norske humanismen er fyrst og fremst ein lærd latinsk skulehumanisme. Men jamsides med den bryt det fram ein annan sterkt nasjonal og folkeleg humanisme, som hev sitt utsprung or andre kjeldor og hev eit anna formaal enn den kyrkjelege. Men det er kyrkjemenn som er dei fremste representantar for baae desse humanistiske aandstraumane.

Den utvikling som den lærde humanismen fekk i Noreg, er korkje rik eller merkeleg. Me sakna eit eige universitet, - det var utanlands, fyrst og fremst i Kjøbenhavn og Rostock, at vaare studentar søkte si akademiske daning. Paa baae stader raadde den melanchthonske humanisme, - den er det for me ogso finn att i Noreg. Arnestaderne for humanistisk lærdom innanlands vart i fyrste rekkja vaare latinskular. Men i samanlikning med Danmark var dei faa i tal. Viktigast var dei fire katedralulane, Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger; fraa dei kunde disiplane gaa til universiteti. Utanfor stiftstaderne fanst det ymse mindre skular, i Oslo bispedøme var det

ein i kvar by, sume av dei var latinske, sume danske. <sup>4</sup> Hamar skule, som var gaatt inn etter reformasjonen, vart sett igang igjen i 1572, og flutt til Vang 1584, men i 1602 slaatt saman med Oslo skule. <sup>5</sup> Ein eigen skule for Jämtland vart skipa i 1578, men gjekk inn fyre 1600<sup>6</sup>. Reformasjonen hev soleis ikkje auka talet paa lærde skular i vaart land, - snarare er det gaatt tilbake.

Lærarstandet ved skulane skifta ofte. Baade rektor og høyrar-embeti reknast for gjennomgangsstillingar til prestekall og vart gjerne tilsett med yngre folk. Tenestetidi ved skulen var i regelen kort, berre nokre faa aar, mange tente berre eit aar eller tvo-tri. Men der var ogso rektorar som verka lengere tid og som kunde setja merke etter seg; biskop Jens Nilsson hadde vore rektor i Oslo 8 aar (1563-71), og hans verson dansken Jacob Wolf, var i embetet i 11 aar (1584-95). Derimot pla dei teologiske lektorane staa lenge i, for det meste heile livstid, for dei hadde langt betre kaar.

Der hev utan tvil vore undervist i humanistisk aand i norske skular alt fyre reformasjonen. Mester Geble Pedersson, som var ein disipel av den fyrereformatoriske nederlandske humanisme, var rektor i Bergen til 1518. Men det var fyrst med reformasjonen, at humanismen trngte igjenom overalt. Naar dette skjedde, er vanskelegt aa paavisa. Men etter alt aa døma gjekk overgangen fyre seg etterhand i 1540-50-aari. Og ein kan merka, at humanismen medfører ei viss oppbløming ved skule etter skule. I den fyrste tid etter reformasjonen sendte folk her i landet jamnan sine born paa skular i Danmark, avdi desse var betre; men det tok til aa verta annarleids med dette umlag 1560, eit teikn paa at skulane i Noreg daa hadde teke seg upp<sup>7</sup>.

Serleg merkande er uppsvinget i Bergen, under biskop Geble Pederssons faderlege mecenat; han underviste stundom sjølv i skulen i musikk og i gode seder, og brukte dertil lærebøker av den sachsiske reformatoren Johannes Spangenberg og av den franske fyrste-læraren Nicolaus Borbonius<sup>8</sup>. Rektorane i biskop Gebles tid fær det beste lovord, ein som "en fin, hæderlig og gudfryktig Mand", ein annan som ein sær s flitug lærar, ein tredje som "from og lærd"<sup>9</sup>. Den største pryd for Bergens skule i reformasjonstidi var mester Gebles fosterson og lære-svein, lektoren mester Absalon Pedersson Beyer (1553-1574), som gjenom sine studier i Kjøbenhavn og Wittenberg vart ein

serleg tiltalande representant for den evangeliske humanisme i Palladius' og Melanchthons aand. Han hev ikkje berre halde fyrelesningar over Melanchthons Loci communes og Nils Hemmingssøns Preikalæra, han hev ogso leida dramatiske framføringar av latinskuledisiplane, og han etterlet seg umissande skrifter um heimstad og fedreland.

I Trondheim laag skulen biskop Thorbjørn Olsson varmt paa hjarta, - som ein nok kunde venta hjaa ein personleg disipel av Luther og Melanchthon - , og skulen kom etter hans tid i so god stand, at der i 1550-60-aari vart gjeve undervisning i græsk og hebraisk, av erkedeknen Sigvard Simonsson, som hadde studert i Rostock<sup>10</sup>.

I Oslo var biskop Hans Rev ihuga for aa reformera skulen, og i 1550-60-aari hadde denne si blømingstid under dugande rektorar som Rasmus Hjort, sidan provst i Tunsberg, ein mann som vert rosa for rike aandsgovor og allsidige kunnskapar og serleg for sin dugleik i spraaki og sin kjærleik til musikken<sup>11</sup> - og etter honom Jens Nilssøn, seinare biskop i Oslo, ein gjæv latinar, vellærd baade i "verdslege disiplinar" og i den Heilage Skrift, og heime i dei gamle klassikarane som faa andre<sup>12</sup>.

Baae desse humanistar var flituge med sin penn. Av Rasmus Hjorts latinske forfattarskap<sup>13</sup> er sogodtsom ingenting kome for ljuset<sup>14</sup>. Men Jens Nilssøn hev etter si rektortid gjeve ut fleire latinske skrifter i prenten, - deriblandt tvo som her hev serleg interesse, daa dei opnar eit innblikk i den norske teologiske humanisme og viser korleis den teologiske undervisning vart drivi i den lærde skulen hjaa oss i den andre menneskealderen etter reformasjonen. I 1583 gav nemleg Jens Nilssøn ut ei prøva paa utleggging av den Heilage Skrift, i form av ei forklaring av 1ste kapitlet i 1ste Mosebok, til hjelp for disiplane ved katedralskulen i Oslo, - og i 1597 ei innleiing til 1ste Mosebok, som han hadde fyredrege i lektoriet i Oslo Domkyrkja for skuleungdomen og prestar<sup>15</sup>. Me skal ikkje her venta oss nokor historisk-filosofisk fortolking, - so langt var den evangeliske vitskapen enno ikkje komen, trass i sin kjærleik til dei bibelske grunnspraak. Tolking-prinsippet er dogmatisk og filosofisk. Utlegggingi gaar ut paa aa finna dei teologiske hovudlærdomar (loci præcipui) som Skrifti inneheld. I 1ste Moseboks 1ste kapitel paaviser Jens

Nilssøn fire slike<sup>16</sup>: um Gud og trieiningi, um skapingi, um Guds-biløtet, og um Guds forsyn. I heile 1ste Mosebok finn han att dei fleste stykke av den kristelige dogmatikk, og hentar ogso her praktisk trøyst og rettleiding i mange stykke. Men ikkje berre det. Skrifti er likesovel rik paa verdsleg kunnskap, ikkje minst i 1ste Moseboks 1ste kapitel. Den "mosaisk filosofi" gjev allslag natur-historisk lærdom, og byd høve til aa greida ut um geografiske, astrologiske, historiske og andre emne. Men gjennom all denne humanistiske kunnskap gjeng det ein grunntanke som bind det heile saman, nemleg tanken paa Guds visdom, makt og godleik, som openberrar seg gjennom alt Guds verk.

Rasmus Hjort og Jens Nilssøn var biskop Frants Bergs versøner, og kring desse menn voks det fram ein krins av vellærde prestar og skulefolk i Oslo by og bispedøme. Med rette kann ein i 2dre helvti av reformasjonshundraaret tala um Oslo-humanistane: menn som var knytt nær saman ved ei felles daningsform og felles aandelege interessor, og tillike ved familie- og venskapsband.

Den mest framstaaande millom dei yngre Oslo-humanistane var mester Hallvord Gunnerson, lektor i teologi 1577-1608. Han hadde studert i Rostock under humanisten Johannes Posselius, ein av Melanchthons disiplar, og var ein verson av provst Pasmus Hjort. Hallvord Gunnerson hev gjeve ut ikkje mindre enn 12 større og mindre skrifter<sup>17</sup>, trykt i Rostock i aari 1596-1606, - alle paa tvo nær forfatta av honom sjølv, og alle paa tvo andre nær ei frukt av hans lærarverksemd ved Oslo katedralskule. Seks er reint teologiske arbeid, andre høyrer til humanistiske vitenskapar som historie og fysikk.

Nokon sjølvstendig teologisk forfattar er Hallvord Gunnerson ikkje, og han vil ikkje vera det. Han var fyrst og fremst ein humanistisk pedagog. Skrifterne hans, baade dei teologiske og andre, skulde tena skuleundervisningi og vera til gagn for den studerande ungdomen. Han hev serskilt dyrka den metode som mange humanistar sette høgt, - bl.a. Spangenberg og Posselius<sup>18</sup> - aa forma eit kunnskapsstoff i korte hugsevers, paa ymse versemaal, og paa fleire spraak, latin, græsk, dansk, stundom ogso paa hebraisk. Paa denne maaten skulde læresveinane kunna øvast ikkje berre i innhaldet, men ogso i spraak og versekunst. Han hev fyrst attergjeve epistlane og evangelia



for heile kyrkjeaaret i form av minnevers<sup>19</sup>, - deretter gav han i stutte vers ei "samanliknande" eller praktisk utnytting av sundagsevangelia, - vidare utarbeidde han ei utførlegare metrisk parafrase av evangelieperikoperne, og endeleg korte versifiserte bønner i tilknytning til kvar evangelietekst<sup>20, 2e</sup>. Framleides gjorde han hugsevers paa 1 lina til kvart kapitel i Bibelen. Han drog saman hovudstykk i den kristne læra i 35 korte definisjonar i ubunden stil, og sette dei 21 fyrste artikkane i Augustana paa vers. Melanchthons umarbeiding av Johannes Carions verdshistorie, som i 1595 var umsett fraa latin til dansk av presten Christen Lauritssøn Linved i Vik i Sogn, skreiv Hallvord Gunnerson um i heroiske og elegiske latinske minnevers. Likesom han umsette Michael Sachs's bibelske spursmaalsbok til folkelesnad, so klødde han Guds- og naturkunnskapen inn i latinske gaator til skulebruk. Og av fysikken gav han ein "logisk analyse" i form av skjematisk oversikts-tabellar.

Mester Hallvord Gunnersons pedagogiske forfattarskap er ei typisk frukt av den einsidige humanistiske dyrking av den kompendiøse læremetode og den formelle uttrykkskunst. Dei kunstnarlege formverdiar er i det heile hovudsaki i den litteratur som Oslo-humanismen elles hev frambrakt. Den elegante latinske brevstil og kunstpoesi og retorikk var umraade som desse menn dyrka med fyrekjærleik. Det er helst viktige hendingar i samtidi, aalmenne og private, som fær den humanistiske muse til aa treda dei klassiske rytmer. Jens Nilssøn kved um kometen i 1577, og um tapet av ei kjær dotter 1581, Hallvord Gunnerson skildrar kong Christian IV's hylling paa Akershus 1591 i kunstferdige vers. Innfletta bilæte fraa natur og folkeliv gjev desse poesiar interesse ogso for ettertidi.

Dei norske humanistane tykte um aa skifta latinske venebrev og helsingvers innbyrdes. Ogso med lærde menn i utlandet hadde dei brevsamband, m.a. med den namngjetne professor David Chytraus i Rostock, ein fredsam teologisk lærar av Melanchthons aand, som ogso mangein nordmann paa studiereisor fekk høve til aa høyra. - Men blandt utanlandske lærde i daatidi var det ingen som hadde so mange personlege vener og kjenningar i Noreg, serleg blandt Oslo-humanistane, som den store danske astronom og astrolog Tyge Brahe paa Hven i Øresund.

Utviklingi av eit litterært aandsliv i Noreg møtte ei stor hindring deri, at vaart land i heile reformasjonshundrardaaret sakna prenteverk og bokhandel. Medan bokprentarpressa arbeidde flitigt paa Island, fekk vaare humanistar og teologar

sine skrifter prenta utanlands, dei latinske i Rostock, dei danske helst i Kjøbenhavn. Biskop og kapitel i Oslo interesserte seg for aa skaffa Noreg ein bokhandlar, som kunde forsyna prestar og skulepersonar og andre med dei bøker dei hadde bruk for. I 1575 fekk dei kgl.privilegium paa skattefridom for ein "bogfører", som kunde setja seg ned i Oslo, "gode nyttige Bøger baade in Theologia og Philosophia at tilføre og falholde"<sup>21</sup>; men me kjenner ikkje til, at det vart noko av med dette. So mykje kjærare var daa dei bøker som fanst i kapitelbiblioteki og i privateiga, og eit vel innretta "studerekammer" var det ein hugnad for eigaren aa kunna visa fram<sup>22</sup>.

Eit forvitneleg drag i det humanistiske tidsbilæte er dei dramatiske framføringar i skulane. Ein høyrer ikkje um slike i millomalderen hjaa oss. Men med humanismen finn dei inngang, og sidan 1560-aari høyrer dei til det staaande ekstraordinære program i skulane, langt utgjennom 1600-talet. Der vert oppført skodespel paa latin og paa norsk, av klassiske heidne forfattarar, um bibelske episodar, um aktuelle emne fraa samtidi. Formaalet var pedagogisk, dei tente til øving i latin, og til moralsk lærdom og aatvaring. Baade Luther og Melanchthon hadde stor interesse for skodespel i skulen naar dei soleis var til nytte. I Noreg finn dei fyrst inngong i Bergen, her vert dei oppført under leiding av rektoren Jon Jamt, sidan av lektoren mester Absalon Pedersson<sup>23</sup>. I 1563 spela dei ei komedie um "Adams fall", visstnok ei norsk umarbeiding av det franske mysteriespel fraa millomalderen "Adamsspelet"; i 1567 vart det framført tvo stykke av den klassiske dramatikaren Terentius: "Andria" og "Phormio"; - i 1571 tri ulike stykke, nemleg ei komedie paa norsk, som vart "ageret" av hr Jon Jamts broder Haaken, ei komedie med titelen "Studentum", av den tyske professor Christopher Stymelius, som her aatvara imot faaror og forvillingar i studentlivet, og ei tragedie "de imaginibus" um bilæte, som utan tvil hadde aktuell tilknytning til bilætstriden i Bergen; - i 1572 atter ei komedie<sup>24</sup>. Desse skodespel vart, som den tids skikk var, oppført i fri luft ved kyrkja (paa kyrkjegarden). Rektor Jakob Wolf i Oslo gav i 1591<sup>25</sup> ut tvo latinske tragediar med emne fraa Virgilius: "Dido" og "Turnus", utan tvil skrivne til aa oppførast av skuledisiplane.

Ein ny impuls i den humanistiske pedagogikk kom med kjenn-

skapen til dei jesuitiske gymnasier. Skulane aat jesuitordenen var med rette namngjetne, dei stod ustridigt høgare enn dei evangeliske latinskulane. Fraa slutten av 1570-talet vart jesuitskulane i utlandet aar um anna søkt av talrike nordbuar, derimellom ikkje faa nordmenn og danskar, og det ikkje berre slike som den katolske misjon drog dit, men ogso andre som ynskte aa njota godt av den framifraa undervisning som der vart gjeven. Jesuitgymnasiet bygde heilt paa humanistisk grunnlag og hadde heilt humanistisk formaal likesom den evangeliske latinskulen. Men skuleskipnaden og læreplanen var fastare og undervisningi langt meir metodisk og moderne, jamført med den evangeliske skulen, som var retteleg ujamn og tildels drog paa gamaldagse tradisjonar.

Den merkelegaste av dei norske humanistar, som vart paaverka av jesuitane, var mester Christopher Hjort, son til provsten Rasmus Hjort. Han hadde studert i Kjøpenhamm og Rostock, og hadde teke magistergraden i Wittenberg, men under sine vandringsaar hadde han ogso vitja den jesuitiske høgskulen i Olomonc, der han vart innskreven i 1593 og tok baccalaureusgraden i 1594; sidan kom han ogso til høgskulen i Braunsberg (1597)<sup>26</sup>. Som rektor ved katedralskulen i Oslo 1598ff gjorde han seg nytte av det han der hadde lært, eller som det heiter i dei jesuitiske aarsbrevi: "ein nordmann utdana av oss held skule i sitt fedraland paa heil jesuitisk maate"<sup>27</sup>. Christopher Hjort hadde stor vyrdnad hos biskop Jens Nilssøn, som umtalar honom som ein framifraa lærd og dugande mann<sup>28</sup>. Etter Hjorts raad søkte fleire nordmenn, yngre og eldre, til jesuitiske skular<sup>29</sup>. I same aand verka i Danmark hans kollega rektoren i Malmö mester Jens Aagessøn (Haggæus) Raaby, som hadde studert hos jesuitane i Olmütz i Mähren<sup>29</sup>, og som "for sin fornemme og sære Maade at informere paa var meget berømmet"<sup>30</sup>.

Daa superintendentane i Noreg i 1604 etter kongelegt paalegg utarbeidde utkast til ein serleg norsk kyrkjeordinans, la forfattarene<sup>31</sup> sterk vekt paa aa forbetra skuleskipnaden, og i deira utkast er undervisningsplanen grundig gjenomarbeidt og hev mange forbetringar jamført med den gamle planen i den danske ordinansen. - Men konkurransen med jesuitskulane gjorde det klaart ogso for regjeringi i Danmark, at latinskulen trengte ei reform. Ein ny undervisningsplan, utarbeidt av professorane ved Kjøpenhamns universitet, vart innført i Danmark ved kongebrev 22.oktober 1604.<sup>32</sup> Forfattaren til denne planen, var

prof.theol. Hans Povelsson Resen, den leidande mann ved universitetet, hovudmannen i kampen for den lutherske ortodoksi baade imot katolisierende og kalvinisierende tendensar. Resens skuleplan sikta fyrst og fremst paa aa gjennomføra uniformitet og ein fastare og meir detaljert skipnad for undervisningi<sup>33</sup>. Samtidig forbaud kongen undersaattane aa senda sine born til jesuitskular utanlands<sup>34</sup>. Planen av 1604 vart uppteken i den norske kyrkjeordinansen av 1607<sup>35</sup> og kom i det store og heile til aa bli staaande i over 130 aar, til Christian VI's latin-skulereform i 1739.

Med nyskipnaden av 1604 var den humanistiske skulereform konsolidert og vidare utbygt i det einskilde: latinen vart styrkt, græsk-upplæringi utvida, hebraisk tildelt ei tryggare stilling, skrivning, matematikk og kristendomskunnskap ofra større umhug. I samband med den nye skuleplanen vart fleire av dei utanlandske humanistiskulebøkerne etterhand avløyst av lærebøker av danske forfattarar. Dermed vart det ikkje lenger plass for Hallvord Gunnersons versifiserte skuleskrifter.

Studiet av fedralandshistoria hørde ikkje med til den internasjonale klassiske og filosofiske humanisme som skule og universitet dyrka. Derimot hadde verdshistoria her eit visst rom, set fraa religiøs og etisk synsstad, som openberring av Guds forsyn og som moralsk spegjel.

Interessen for fedralandet, dess historie og natur, laag likevel humanistane nær. Ein fyregangsmann i dette stykke var den italienske humanisten Flavius Blondus, med sine<sup>35</sup> historiske, kulturhistoriske og topografiske arbeid. Hjaa oss var ei tilsvarande interesse lett aa vekke og takksam aa dyrka, fordi me hadde teke ein verdifull historisk bokavl i arv fraa millomaldere. Og etter gamall tradisjon sysla ogso no kyrkjemennerne gjerne med den nasjonale historie.

Det heiter um den siste katolske biskop i Bergen, Olav Torkelsson, at "der var ingen besynderlig Lærdom i hannem", men "han var forstandig i Historier, synderlig de norske"<sup>36</sup>. Hos Geble Pedersson merkar ein ingen ting til denne sans, men so mykje sterkare kjem den historiske interessen til uttrykk hos mester Apbalon Pedersson. Han tok til med dagboks-uppteikningar fraa Bergen og hev ført dei serleg fylluge fraa 1561 av. Hovudinnehaldet av hans dagbok er personlege og lokale hendingar, varsl og ulukkor, krigshendingar og drapshistorier, brudlaup og dødsfall o.s.v., fortalt utan kunst, men saklegt

og aaskodelegt, ei einestaaande samtidskildring i nordisk litteratur i dette hundradaaret. I ein minnetale um biskop Geble Pedersson 1571 hev han teikna eit livlegt og sympatisk bilæte av sin aandelege fader og hans verksemd. Men hans hovudverk var boki "Om Norgis Rige", skrivt i 1567, paa oppmoding av den historisk interesserte lensherren paa Bergenhus Erik Rosenkrants. Her fortel mester Absalon hovuddragi av saga aat riket, og jamfører ho med tilstandet paa si eigi tid. Boki er laust bygd og ujamn, men sjølvstendig i tanke og djup i kjensla og eig ein hugtakande patriotisk varme. Med vemod ser sogemannen paa Noregs tilbakegang og alderdom, men gjev og ord for si von um at hans fedreland kann "vaagne op av søvne engang" og "komme til sin magt og herlighed igjen".

I ei liti biskopskrønike fraa Hamar, nedskrivt i 1550-aari, hev ein nammlaus forfattar gjevt eit stemningsfylt halvt romantisk bilæte av gamle dagar i den litle bispestaden ved Mjøsi, som no laag øyde og forlatt. Kanskje er - som Francis Bull meiner - denne merkelige skrifti bygt paa munnleg fortelling av den gamle kantor Trugels, "en mand ved hundrede aar", som kalla tilbake kjære minne.

Nasjonale interessor var ikkje framande for Oslo-humanistane, men tred her meir tilbake. Jens Nilsson hev sysla med avskrivning av norske historiske kjeldeskrifter, m.a. av kongesogehandskrifti Jofraskinna som no eksisterar berre i hans avskrift<sup>37</sup>. Hallvord Gunnarsson sette Noregs krønike paa latinske vers, fraa Harald Haarfagre til Haakon Haakonsson. Dette var det einaste nasjonalhistoriske arbeid fraa humanismen som vart utgjeve i prenten av forfattaren sjølv, i Rostock 1606.

Den merkelegaste millom dei norske humanistane var Peder Clausson Friis, sokneprest i Audnedal 1566-1614 og provst paa Lista. Heile livet sat han i same embete, og utanfor Noregs grenser kom han nok aldri. Blandt presteskapet i Stavanger bispedøme var han høgvyrd og tiltrudd, var medlem av domkapitlet og fekk heiderstitelen archidiaconus. Han kjente bønderne ut og inn, i 1592 reiste han ikring i ? len i bygd for bygd og greidde aa løysa den langvarige tiendestriden ved personleg forhandling. Han var ein nidkjær prest; han utla fadervaar, og han skreiv um tienden og viste at den var paa boden i Bibelen. Men hans hovudinteresse var studiet av Noregs historie og natur. I kunnskap um framande land stod mange av hans samtidige langt over honom, men naar det galdt heimlege tilhøve, kunde snaudt nokon i daatidi mæla seg med hr. Peder

Claussion. Han hadde stor lærdom i gamalnorsk og granska gamle handskrifter baade av sogor og lover.

Dei av hans skrifter som hev størst verdi, handlar alle um emne fraa norsk og norrøn historie og geografi og fraa norsk naturhistorie. Han skreiv um Djur, Fiske, Fugle og trær udi Norrige, han tok til med Stavanger Stifts Beskrivelse, som voks til ei heil Norriges Beskrivelse. Han umsette Snorre Sturlasons Heimskringla og dei fylgjande kongssogorne; etter oppmoding av stadhaldaren Axel Gyldenstjerne. Han forfatta ei stutt norsk kongekrønike, og fleire mindre skrifter: um Island, um Grønland, og um dei andre gamle norske kronland. Dei viktigaste av hans skrifter er blitt til i dei siste 15 aar av hans liv. Dei er nøkterne og enkle i form og i kjensla, djerve og kraftige i uttrykksmaaten. - Inkje av dei vart prenta i hans levetid; men sogeumsetjingi, som utan tvil er hans beste arbeid, med Norriges og omliggende Øers Beskrivelse, kom ut i Kjøbenhavn 1633, og paa nytt 1757 med sterkt umarbeidd stil. Hjaa Peder Claussøn hev Hans Egede lese um den nedfallne kristendom paa Grønland, ei fraasegn som ikkje gav honom ro, fyrr han drog dit som misjonær. Og serleg i utgaava av 1757 hev Peder Claussøn, lenge etter si tid, gjort Snorres verk aalment kjent kring i Noregs land, blandt embetsmänner og bønder, og dermed fekk hans umsetjingsgjerning verknad for den nasjonale vakning som førte fram til 1814.

## NOTER

1. Cragii Ann. Addit.110  
Rørdam, Kbh.Un.H.I, 108  
jfr Schumann, Gesch.d.Päd.I, 191
2. NR I, 515-6.582
3. DK1 II nr.291
4. JNV CXV-VI
5. NR II, 20.559. III, 701
6. Er.Thj.Kat.sk.16f
7. JNV XXIII
8. N.Saml.I, 16, jfr.11.
9. N.Saml.I, 11.16.
10. Presteutd.316-7.
11. JNV LXXXI (Jens Nilssøns Elegidion 1581)
12. Rørdam, Lysbander, 262
13. JNV LXXXI
14. Eit brev til Jens Nilssøn 1583 vært prenta, JNV L-LII
15. JNPr.142-147.
16. JNV LXXXIX
17. Eriksen, Akrostichis.  
Bang R 127-30
18. Eriksen, Akrostichis s.35
19. jfr.P.Palladius, Evangeliske Rimsbok
20. BN III 1500
21. NR II, 145f.
22. JNV CXLI f.2
23. N.Mag I, 212.326.402.433.447.
24. "Susannæ historia", som etter Bang R 341<sup>8</sup> skal vera oppført  
1576, er oppført i 1673, etter Bangs kjelda, N.Mag. II, 466
25. ny utg. 1595 i Frankfurt.
26. Pal.50, 1561
27. F.Münter, D.Ref.hist. II, 639
28. N.hist.T.2.VI, 328
29. Munter ib.
- 29b. Ročenko s.62
30. J.E.Rietz, Skånska skolväsendets historia, s.361
31. Utk.1604, s.92-101
32. DK1 III nr.20
33. Presteutd.487-94
34. DK1 III nr 19.20.21
35. bl.65-72
- 35b. Bull, Litt.hist.II, 23
36. N.Saml.I, 4
37. JNV CXXIX-CXXXI

### Den rette læra

Alt ved innføring i av reformasjonen i Danmark og Noreg var rett-trunaden paa trapperne.

Ordinansen av 1637/39 kravde, at "den hele evangeliske lærdom skal nu alle vegne være ren, visse ok endrektig hos alle". Og fundatsen for Kjøbenhavn universitet 1539 inneheldt den setning at sektstiftarar burde fordrivast<sup>1</sup>.

Etter den nye kyrkjeordning maatte prestane eiga og bruka berre godkjende bøker - ordinansen fyreskreiv 7 slike, deriblandt Bibelen, Confessio Augustana og Luthers lille katekisma - , og med bok-censur skulde det hindrast at villfarande læra ovra seg i riket.

Med toleranse i trudomssaker var det slutt no, daa den evangeliske læra hadde vunne den ytre sigeren i kyrkjekampen. Likesom i millomalderen skulde det vera eit folk og ei tru. Og den som her hadde avgjerande ord og makt, var kongen. Den setning som vart fastslaatt for Tyskland ved religionsfreden i Augsburg 1555: cuius regio, eius religio, galdt i røyndi lenge fyrr i Danmark og Noreg. I handi aat kongen laag ikkje berre ytre kyrkjestyret, men ogsa makti til aa avgjera kva for ei læra som skulde gjelda, og andsvaret for at den reine læra vart haldi uppe. Og av umsyn til den galdt det aa halda einskap og fred i trudomssaker. Etter dette prinsipp styrde Christian III.

Sosnart makti aat den romersk-katolske kyrkja var broti og den evangeliske læra og kyrkjeorden innført, vilde reformasjonskongen ikkje vita meir av strid og kjegl og disputas um emne som vedrørte trui. Den reine læra var atterfunni og ein gong for alle kunngjord og vedteki, og dette verk maatte ikkje skiplast.

Ved enden av si regjering kunde Christian III i eit brev til Melanchthon 1558 med hugnad sjaa tilbake paa, korleis kyrkja og skule i hans rike og land fraa fyrste stund og heile tidi samrøystes og urikka hadde halde seg til den augsburgske vedkjening og den vedtekne reine og evangeliske læra<sup>2</sup>.

At trudomsspursmaal kom upp, kunde ingen hindra. Men kongen tillet berre slike utsegner umtru og læra, som slo ned og avviste villfaringar. Undersaattane maatte forstaa, at fred og einskap i trui var til "Guds ære og den menige mands velfart og deris federlands gavu"<sup>3</sup>. Og i denne tanke at ro og



semja var til beste for folk og land, maatte kongen verta styrkt, naar han saag paa dei stendige og uhuglege lærestriderne i Tyskland, og naar han fraa leidande tyske teologar som Melanchthon og hans disipel David Chytræus hørde lovord over den blømande og sæle fred som raadde i den danske og norske kyrkja<sup>4</sup>. I denne sin politikk, som vart rosa for visdom, hadde Christian III den beste studnad av sine teologiske raadgjevarar, Sjællands biskop Peder Palladius, professorane ved Kjøbenhavnns universitet, og dei tyske hovpredikantane.

At fred og einenskap i trui vart vunne ved aa nedslaa og undertrykkja all motsegjing, og haldne uppe ved ytre tvang, det godkjente dei lutherske teologane i Danmark fullt ut, - likesom ogso Melanchthon. Etter landsens bruk kunde der - no som fyrr, mot kjøttarar brukast fengsel, landsforvisning eller døden paa baalet, - og desse midlar vart alle brukt i Christian III's tid.

Det var til tvo leider, at den evangelisk-lutherske kyrkja i Danmark og Noreg hadde aa verja seg, paa den eine sida mot katolisismen, paa den andre imot puritansk, spiritualistisk og kalviniserande læra.

Kampen mot papistisk trunad og kyrkjeskikk var ikkje til ende ved sigeren over den gamle kyrkja i 1536. I domkapitli og klostri heldt leivningane av papismen seg framleides, serleg fordi dei eldreeprelatar og kanikar fekk sitja uforstyrtra i sine stillingar. I Danmark klaga evangeliske prestar over at kanikar veik av fraa kyrkjeordinansen i liv og læra. I aari 1543-44 vart det difør i Kjøbenhavn ført forhandlingar (disputasar) millom universitetsteologane og dei katolskhuga medlemmerne av domkapitli i Kjøbenhavn, Roskilde og Lund og ymse andre geistlege, for aa overttyda dei um den rette evangeliske læra. Disputasane galdt serleg messa, nattverd-sakramentet og kyrkja, og endte med at motstandarane av den nye kyrkjelæra maatte gjeva seg og underskriva dei artikkelane som var uppstelt av universitetet.

Herved tok Roskildekanikane eit atterhald, i samsvar med ordinansen, nemleg at deira samtykke galdt forsovidt eit aalment koncilium ikkje kom til aa fastslaa ei onnor læra.

Det aalmenne koncilium som fyrst var tilsagt til Mantova 1537, vart opna i Trient 1545. Men kongen av Danmark og Noreg let ikkje kyrkjorne i sine land representera paa kyrkjemøtet. Kongen var medlem av det schmalkaldiske sambandet av prote-

stantiske fyrstar i Tyskland, men han heldt seg utanfor krigen millom sambandet og keisaren. Og daa der etter krigen, som enda med nederlag for protestantane, vart gjort freistnader paa eit millombels kompromiss millom den katolske og dei evangeliske kyrkjerne i Tyskland, tok den danske kyrkja uttryk-keleg avstand fraa denne tilnærming. Paa riksdagen i Augsburg 1548 tvang keisaren fram ei reformkatosk religionsfraasegn, det augsburgske Interim, som gjorde lutheranarne visse innrømingar (presteekteskap, lekmannskalk), til konciliet tok endeløg avgjerd. I Sachsen freista Melanchthon aa koma katolikane i møte ved eit nytt kompromissframlegg, det Leipzigske Interim.

Men elles møtte det Augsburgske Interim jamnt over sterk motstand, og presteskapet i Hamburg, som fekk dette Interim tilsendt fraa keisaren til vedtaking, aatvara professorane i Kjøbenhavn imot det, ifall Christian III som tysk riksfyrste skulde verta oppmoda um aa godkjenna det for sine rike og land. Det Augsburgske Interim vart sendt den danske og norske kongen fraa Wittenberg med fraasegn av teologane der; kva fraasegni gjekk ut paa, er ukjent; men kongen fyrela interimet for dei kjøpenhamnske teologane, som i ei utførleg "forklaring og undervisning" paaviste korleis det "udi mange Steder" streid imot "vor kristelige Lærdom"; dei raadde avgjort ifraa aa godtaka det, idet dei var "visse paa, at Kgl, Maj. ikke vil træde fra Guds Sandheds Bekjendelse"<sup>5</sup>. Og soleis vart det.

Det staar i samanheng med denne utvikling, burt ifraa og imot katolsk læra, at den danske kyrkjestyring sidan bispe-møtet i Antvorskov 1546 meir avgjort skreid inn mot leivningar av papismen i gudstenesta og kyrkjeutstyr.<sup>6</sup>

Men paa den andre sida vart ein altfor vidtgaaande puritanisme heller ikkje tolt. Striden um adiafora i kyrkjeskikkane i Tyskland naadde ogso til Danmark. Tvo yngre prestar i Odense, soknepresten ved St.Hans kyrkja Laurents Helgisen, og lektoren ved St.Knuds kyrkja Christoffer Mikkelsen, gjorde i 1551 kvasse aatak paa biskopen m. Jørgen Jensen Ladoliu, som dei skulda for forargeleg og faarleg læra i hans preikor<sup>7</sup>; kva for artikkelar desse skuldingar galddt, er ukjent, men ein tek visst ikkje i miss i at prestane hev klandra biskopaen for at han tok for lempelegt paa tradisjonane fraa den romersk-katolske kyrkjeorden; serleg var det deim ein torn i auga, at dei fyrre

Knutsbrødrane i Odense, som var reformert etter ordinansen og no gjorde tenesta som evangeliske prestar, men vel framleides heldt fast ved sin klosterregel, skulde reknast for dei jamlike; dei nekta aa samverka med deim ved presteordinasjon; og ein av dei vaaga aa kritisera sjølve kongen for, at han freda um leivningar av klosterlivet, og meinte at det var betre alle kloster vart nedrivne<sup>8</sup>.

Universitetsteologane, som fekk saki til aa granska, fann ikkje noko aa utsetja paa biskopen og freista aa mekla millom partane. Men dei tvo zelotiske prestane vilde paa ingen maate lata seg tala til rette..

Ein gamal tradisjon<sup>9</sup> fortel at dei var "holdne for vederdøbere" (atterdøyparar). Universitetet vaaga ikkje aa tilraada landsforvisning, daa dei unge menn derved berre fekk høve til aa skada umdømet aat den danske kyrkja i utlandet. Heller ikkje vilde professorane innlata seg i offentleg disputas med deim, men med samtykke av kongen freista dei høglerde ved langvarige personlege forhandlingar aa faa dei tvo prestane til aa avstaa fraa sine villfaringar. Det var likevel alt faafengt, og tilslutt fekk dei valet millom aa gjera avbikt eller aa gaa i fengsel. Daa dei heldt aa sitt, vart dei i 1552 tekne i forvaring og haldne innesperra, den eine i Sorø kloster, den andre i Herredsvad kloster i Skaane, sidan paa Visborg slott paa Gotland. Fengsel formaadde ikkje aa bøygja nokon av deim; dei vart sitjande der til sin døyande dag.<sup>10</sup>

Framferdi mot dei tvo prestane var etter maaten lempeleg. Det hadde visstnok sin grunn i, at dei ikkje stod aaleine i spursmaalet um adiafora i kyrkjeskikkane. Tvo av professorane i Kjøpenhamn - skotten Johannes Machabæus og Nils Hemmingssøn - hadde eit puritansk standpunkt i dette stykke. Just i 1552 offentliggjorde Machabæus akademiske teser um "tradisjonar, ceremoniar og menneskelege skikkar i kyrkjorne", som Hemmingssøn skulde disputera over; dei inneheldt ei sterk fordøming av alle som vilde taka papistiske skikkar og ceremoniar i forsvar eller fornysa dei. Men tesarne kom i det heile ikkje til forhandling, kanskje fordi kongen ikkje ynskte strid overført til sine rike<sup>11</sup>.

Annarleids var det med direkte katolsk reaksjon, serleg blandt folket. Slikt vart møtt med hardhendte midlar - me minnest dei tvo norske bønder som var opphav til ei katolsk rørsle blandt aalmugen paa Vestfold, dei vart i 1556 dømt til

baalet.

Eit anna lærespursmaal som snart meldte seg i den danske kyrkja, var det, korleis ein skulde stella seg til innvandra utlendingar med avvikande tru.

I aari 1545-47 fekk dei kjøpenhamnske teologane aa gjera med nederlandske svermarar, som i sin ytterleggaaande aandelegskap og subjektivisme var heilt uimottagelege for den evangeliske lutherske læra. Ein av desse var Adrian Hollender, som i slutten av 1546 etter kongeleg ordre vart innstemnd for universitetskonsistoriet for sine kjættarske lærdomar, - visstnok etter klaga fraa soknepresten ved Nicolai kyrkja hr. Frants Berg, seinare superintendent over Oslo-Hamar stift, Adrian Hollender nekta verknaden av daap<sup>1</sup> med vatn og kjente berre aandsdaap, han hevda at brød og vin var ikkje Kristi lekam og blod, han nekta Kristi guddom og meinte at han burde ikkje tilbedast, prestane forkynte ikkje Guds sanne ord, kongen hadde ingen rett til aa innsetja tenarane i ordet, berre dei som var vigde av Gud, var prestar<sup>12</sup>.

Kva utgangen paa desse kjættarforhøyr var, er ukjent. Men utan tvil kom liknande tilfelle oftare fyre. Og i 1553 fann kongen det paa tide aa føra skarpere uppsyn med "vederdøbere, sakramenterere og andre svermere". Det galdt serleg "embitsfolk (d.e. handverkarar) og andre løst folk, som slig en uchristelig handel foretage og drage av et land og udi et andet", og for at dei ikkje løyneleg skulde koma inn i Danmark og Noreg og der "siden give tilkjende deres onde forset og med deres falske handel og mening gjøre oprør og omvende mange enfoldige menniske fra den hellige kristelige tro og Guds ord og evangelium", utferda kongen 11.november 1553 ei forordning, som paala den geistlige og verdslege øvrigheit aa lata alle utlendingar som vilde setja seg ned i landet, forhøyra um deira tru, ved sokneprest, provst eller biskop, og "om de ikke ville avstaa eller lade dennem undervise udi slige deris ukristelige lærdom", skulde der gjennom lensherren gjevast melding um dei til kongen som vilde "finde der andre raad til"<sup>13</sup>.

Just i dei dagane denne forordning gjekk ut, vart saki høgst aktuell. I november 1553 kom det nemleg til Danmark fraa England ein heil flokk utlæge separatistar, under leiding av den namngjetne polske adelsmannen og reformatoren Jan Laski. Flyktningane, som utgjorde ca 150<sup>14</sup>(170)<sup>15</sup> i tal, var

"mesteparten embitsfolk" (handverkarar), men leidaren Jan Laski viste seg aa vera "en høglerd mand"<sup>16</sup>.

I sin ungdom var Laski i Basel komen Erasmus nær, og var vunnen for dei humanistiske reformtankane; daa han ikkje fann seg til rette i sitt ferdaland Polen, drog han til Nederland og gjekk der over til den reformerte religion; han tok opphald i Emden og var her ein framstaaande organisator, som av den austfrisiske kyrkja skapte eit nordisk Geneve<sup>17</sup>. Man daa han ikkje vilde bøygja seg for det augsburgske Interim, drog han til England, og vart vel motteken av erkebiskop Cranmer, som gjorde han til fyrestandar for ein kyrkjelyd av framande flyktningar i London. Daa dronning Maria kom paa trona i 1553, vart det slutt paa religionsfrådomen, og Laski og hans trudomsfrender utvandra, i den von aa finna ein fristad i riki aat Christian III som var kjent for sin mildleik og gudsfrykt<sup>18</sup>. Utvandrarane landa i Helsingør og kom straks etter til Kjøpenhamm. Jon Laski med tvo prestar uppsøkte kongen i Kolding og bad um løyve for seg og dei andre til aa vera i landet. Dei vart straks møtt med skarp kritikk av den strent lutherske hovpresten M. Povel Noviomagus i ei preika, men dei kunde paa si sida ikkje godkjenna den danske kyrkjeorden og forlangte eit offentlegt kollokvium um si læra, "da jo dog Lærdommens Sandhed ei maa grunde sig paa et Riges Love, men paa det uryggelige Guds Ord". Men dette vilde kongen ikkje gaa med paa: "Skulde vi, hver gang Fanden blæser noget det i Øret at forlange et Colloqvium eller en Disputation om den hellige Skriffts uryggelige Mening, Grund og Ord, strax gjøre det, saa vilde der ikke være nogen Ende paa Colloqvier og Samtaler, uden at dog dermed vilde være noget udrettet". Heller ikkje i Kjøpenhamm fekk flytningane høve til offentleg disputas. Derimot disputerte dei danske teologane fleire gonger privat med dei framande, i Kolding dei kongelege hovprestane med Jan Laski sjølv og hans fylgjesmenn, i Kjøpenhamm biskop Peder Palladius med andre. Det galdt serleg læra um nattverden. Dei framande hevda ei heilt aandeleg nattverdforstaaing: at vaart "frelsende Samfund med Herren i hans Legem og Blod bestod ved Troen, men ikke ved nogen Christi Legems og Blods Nærværelse under Brødets og Vinens Elementer". Men partane kom ikkje kvarandre nærare, og daa dei framande stod fast paa sitt, paala kongen deim aa fara ut or landet. Dei bad um aa

faa stogga vinteren over, for borni og dei gamle skuld, men dette vart nekta. Midt i desember 1553 maatte dei innskipa seg og fara vidare til Tyskland, og det fylgjande aaret fann dei, etter store møder, fristader i Emden og Frankfurt<sup>19</sup>.

Trass i forordningi av 1553 viste det seg, at atterdøyparar og sakramenterarar, som var fordrivne fraa andre land, fann tilflukt i kongens rike og land,<sup>19c</sup> - "under hvilke skulle være noget agt folk, disligeste alle honde embitsmend, tapetemagere, guldsmeder og andet handverkisfolk". Kongen hadde no gjort den røynsla at "hos saadanne forstokket folk ingen omvendelse er at formode, som den onde aand udav Guds tilladelse saa haver besat og forherdet, at de heller derfor ville tilsette all deres velfart end de dennom med Guds ord ville lade under-vise". Framferdi aat atterdøyparane i Schweitz og i Münster var enno i friskt minne og var ei aatvaring. Meir enn fyrr kjente kongen plikt til aa reinsa sine land for "slige for-dømte folk", "paa det at Guds ære og rene saliggjørendes ord maatte blive forførdet". Den 22. september 1555 kom det difor ei ny og strengare forordning, som forbaud undersaattane aat kongen aa hysa eller opphalda nokon atterdøyparar eller sakra-mentsvermar, under trugsmaal um straff paa "ære, liv, lem, have og gods uden all naade", - og det ikkje berre for kjættarane sjølve, men ogsa for kvar den som tok seg av deim.<sup>20</sup> Forbodi av 1553 og 1555 vart prenta og slaatt upp paa kyrkjedørerne over alt i Danmark og Noreg, det fyrste i byarne, det andre baade i by og bygd.<sup>21</sup>

Ved universitetet i Kjøbenhavn heldt P. Palladius i 1554 fyrelesningar for studentane um dei ymse nye slag kjættarskap og svermarskap som var oppkome i hans tid, ikkje berre atter-døyparane og sakramenterarane, men ogsa andre nye retningar i utlandet, antinomistane, osiandristane, Servet og fleire. Serleg skarpt uttala Palladius seg her og elles<sup>22</sup> um sakra-menterane.

I det heile vart nattverdoppfatningi ein prøvestein paa den rette evangeliske læra. Det var ikkje berre tilhøvet til dei framande seraratistane som gjorde dette punkt aktuelt, - det var ogsa millom dei lutherske teologane innbyrdes meir og mindre framtrédande skilnader og motsetnader. Men Melanchthon, som langt paa veg delte Calvins nattverdlæra, vilde helst avverja all strid millom lutheranar og kalvinistar. Det er karakteristisk, at daa Melanchthon paa Palladius's

vegner gav ut hans bok um kjøttarskapen i samtidi, prenta i Wittenberg 1557, utelet han paa eigi hand stykket um sakramenterarane<sup>22</sup>.

Den skilnad som etterhand i fleire stykke var oppkomen mellom Luther og Melanchthon, og som hjaa Melanchthon utvikla seg serleg sterkt etter Luthers død, ikkje minst under samband med Calvin, øvde ogso sin innverknad i Danmark og Noreg. Sume av teologane i den danske kyrkja rekna Luther for sin lærar, soleis Sjællands biskop Peder Palladius og hans broder Nils Palladius biskop i Lund, - medan professorane Nils Hemmingsson og Johannes Machabeus og mange yngre heldt Melanchthon høgast.

Til den strengare lutherske retning høyrde kong Christian III sjølv; han hadde stor vyrdnad for Luthers minne og for Palladius autoritet, og han vart paaverka i same leid av sine tyske hovprestar og vel ogso av andre teologar han hadde samband med.

Den store dogmatiske striden um nattverden paa 1550-talet vart reist 1552 av den strengt ortodokse lutheran presten Johann Westphal i Hamburg, som med sine aatak egde baade Calvin og Jan Laski fram paa skodeplassen. Westphal freista ogso aa paaverka lutherske øvrigheiter til aa stengja kalvinistane ute fraa sine umraade som "aandelege brunnforgiftarar og brandstiftarar"<sup>23</sup>. Som ein slik reknast ogso presten Albrecht Hardenberg i Bremen, ein ven av Jan Laski, Bullinger og Melanchthon; han hylla ei nattverdlära som galdt for zwingliansk<sup>24</sup>. Daa der vart reist strid mot Hardenberg blanda Christian III seg i saki med ei paaminning til raadet i Bremen um ikkje aa gjeva rom for nokon kjøttarskap i sin by, 1557.

For no aa gjera stillingi aat den danske kyrkja klaar i dette umstridde punkt, let kongen, etter tilraading av brødrane Palladius, samtidig hermed, vaaren 1557, professor Nils Hemmingsson utarbeida ei summarisk utgreiding um dei ymse nattverdlæror - dei range og den eine rette: Tabella de cæna domini<sup>25</sup>. Av dei sju nattverdlæror som denne "tavla" framstelte, vart dei fem avgjort forkasta, nemleg dei aat Karlstadt, Zwingli, Oecolanpadius, anabaptistane og papistane. Calvins oppfatning reknast i det heile for riktig, paa det punkt nær, at berre dei truande, men ikkje dei vantru, fær Christi lekam og blod i sakramentet. I motsetnad til alle desse vart Luthers læra

som den rette og nærmare definert.

Kongen let alle professorane i Kjøbenhavn underskriva tavla, med individuelle fraasegner um at dei kvar for seg forkasta dei kjøttarske villfaringane og samtykte i den sanne læra.

Raadet i Bremen ynskte ein religionssamtale halden i Danmark um nattverdlæra, men kongen var ikkje huga paa det. Istaden fyrela han nattverdtavla for teologane i Wittenberg til fraasegn; men Melanchthon var i røyndi mest sams med Hardenberg og vilde ikkje uttala seg, og noko kollokvium kom heller ikkje i stand.

Dr. Hardenberg, som ottast for aa verta utdriven, søkte studnad der han kunne finna det, - han sendte ei framstelling av si læra um nattverden til dei tyske prestane i Bergen og bad deim skaffa ei fraasegn um ho fraa professor Machabæus<sup>26</sup>, den av dei kjøpenhamnske teologane som saag med størst samhug paa dei reformerte. Um dette førte til noko, er ukjent<sup>27</sup>. Striden i Bremen fekk den utgang, at Hardenberg vart avsett 1561, men hans verksemd hadde ikkje vore faafeng, for aaret etter dreiv raadet ut alle sine 13 lutherske prestar og innsette istaden filippistar, og tilslutt vart sogodtsom heile Bremen reformert<sup>28</sup>

I den danske og norske kyrkja lukkast det aa undgaa ein opprivande indre strid um nattverdlæra. Ein viss skilnad var det nok millom dei danske teologane, - serleg brødr. Palladius paa den eine sida og Hemmingssøn og Machabæus paa den andre - naar det galdt einskilde led i læra som realpræsensen og ubikviteten<sup>29</sup>. Men ingen av teologane gjekk so langt som Christian III naar han utan vidare slo Calvin og Hardenberg saman med sakramenterarane<sup>30</sup>, og nokor fordøming av Calvins nattverdlæra i det heile vart ~~det~~ ikkje uttalt i Danmark.

Det var Christian III's ynskje aa halda fast ved den reine og klaare lutherske læra, utan strid. Men daa det saag ut til at dei wittenbergske teologane tok til aa svikta i fleire stykke og gjeva grunn til mistanke, fann han i 1558 aa burda provosera deim til aa uttala seg nærmare um dei stykke det daa var mest usemja um: Melanchthon um nattverden og um adiafora, Georg Major um gode gjerningar var naudsynlege til sæla.<sup>31</sup> Dei umsegner kongen ynskte, fekk han ikkje. Og i det synergistiske spursmaal, um dei gode gjerningar, tok Nils Hemmingsen ei millomstilling, nærmast paa Majors sida, til motvekt mot den einsidige preika um rettferdiggjeringi ved trui aaleine<sup>32</sup>.



Og gjenom Hemmingssøn vann Georg Majors læra um "den nye lyd-  
agtighed" som det tridje stykke i pønitenzen inngang i den  
danske og norske kyrkja<sup>33</sup>.

Skilnaden millom den lutherske og den melanchthonske retning  
var tilstades i den danske og norske kyrkja i Christian III's  
tid, men kom ikkje sterkare fram i dagen. Det var fyrst seinare  
at denne skilnaden tok til aa skapa aalvorlegare motsetnader,  
og at filippismen eller kryptokalvinismen vart rekna for ein  
faare for den rette tru og læra.

I lærespursmaal fylgde Frederik II i si regjering hovudsakeleg  
same lina som sin far, - ein gyllen luthersk millomveg. Han  
ynskte framfor alt aa halda fast ved den rette evangeliske  
læra, men utan strid; difor tok han paa den eine sida avstand  
fraa alt som smakte av kalvinisme, og paa den andre sida fraa  
den ortodokse og skolastiske gnesiolutherdomen, baade i ytter-  
leggaaande og moderate former. Blandt dei snart sagt uteljande  
læreskrifter som var komme fram for aa definera den evangelisk-  
lutherske læra, vart Frederik II staaande ved Augustana som den  
upphavelege og aalment vedtekne, og fraa hans tid vart August-  
ana forpliktande lærenorm i den danske og norske(?) kyrkja.

Ei fullstendig læreskrift for den danske kyrkja vart for-  
fatta i 1561 i samband med ei umarbeiding av kyrkjeordinansen.  
Ho ber tiltelen "Confessio præcipuorum articulorum doctrinæ  
ac fidei ecclesiarum Danicarum" og inneheld 32 artiklar. Ho  
var, etter ynskje av "nokre fromme menn", utarbeidd paa oppmod-  
ing av kongen, og var visseleg Nils Hemmingssøns verk. Same  
aaret var det halde ein evangelisk fyrstedag i Naumburg i  
Tyskland, der dei - utan resultat - forhandla um kyrkjeleg  
einskap og den danske Confessio torde direkte vara framkalla  
av desse einsskapsforhandlingar. - Kva no grunnen kan vera,  
korkje den nye læreskrift eller den umarbeidde ordinansen  
fekk lovs kraft<sup>34</sup>. Men i eit stykke hev denne Confessio ei ser-  
leg interesse i saga um den offisielle læra i den danske  
kyrkja. I innleidingi vert det nemleg for fyrste gong uttryk-  
keleg uttala, og det paa det sterkaste og tydelegaste, at den  
danske kyrkja godkjenner og held fast ved den Augsburgske  
konfeksjon og reknar den for sin lærenorm. Og det er den upp-  
havlege, uforandra Augustana av 1530, som det her med reine  
ord er tale um, - utan tvil for at der ikkje skulde vera  
spursmaal um Melanchthons umarbeidde utgaava av 1540.

Den skipnaden som Christian III hadde innført med overhøyring

av framande um deira tru, vart vidare utvikla under Frederik II ved dei sokalla framandartiklane av 1569.

Nokre nederlendingar, bl.a. ein handverkarfamilie fraa Amsterdam som var fordrivne fraa sin heimstad paa grunn av dei harde religionsforfylgjingane, søkte tilhald i Danmark og fekk samtykke av kongen til aa slaa seg ned der. Men daa det viste seg, at desse folk heldt "nogen hemmelige forsamlinger for dennom selv ... efter den vis som vederdøberne og sakramenterere pleier at gjøre", let kongen deim eksaminera av dei høglærde ved universitetet. Og det var visstnok etter tilråding derifraa at kongen den 20. september 1569 utferda "fem og tive artikler, som skulle foregivis alle de fremmede og udlendige, som begære av Kongl. Maj. værelse og bolige i disse Riger Danmark og Norge"<sup>35</sup>. I forordningane av 1553 og 1555 var det ikkje gjeve nokor rettleiding um paa kva maate den paabodne eksaminasjon av utlendingar skulde skje, Men ved desse artiklane, som var prenta paa latin, dansk og tysk<sup>36</sup>, vart det fastsett kva for spursmaal som skulde gjerast og kva den rette læra var. Artiklane er forma som spurnader "om de annamme, bekjende, tro, samtykke"etc og dei umhandlar alle dei viktigaste kristelege lærestykke, og kjem derunder serleg inn paa dei emne som separatistane veik av i.

Dei som ikkje vilde "annamme og svere" paa artiklane, skulde fara fraa landet innan tri dagar, "med hustru, børn og gods" eller "straffes paa liv og gods uden all naade". Artiklane vart sendt alle biskopane og uppslaatt paa kyrkjedørerne og raadhusi i kjøpstaderne. Dei skulde gjelda dei som var innkomne i dei siste tvo aar og som heretter innvandra. Ei fraasegn fraa 1576 viser at det ofte og mange gonger um aaret vart halde "publica examina" over artiklane av prestar og teologar<sup>37</sup>.

Dei 25 framandartiklane som var forfatta av Nils Hemmings-søn, hev stor interesse som den fyrste og einaste sjølvstendige danske lærelov, som vart innført i den danske og norske kyrkja ved sida av dei økumeniske og tysk-evangeliske symbol<sup>38</sup>.

Samtidig med framandartiklane innførte fundatsen av 1569 for kommunitetet ved Kjøpenhamms universitet den regel (kunngjort for biskopane 1573), at alle som hadde studert utanlands, skulde prøvast av dei teologiske professorane i Kjøpenhamn, og faa vitnsmaal av deim, um dei "i alle artikle

udi religionen komme over ens med Guds ords tjenere udi dette rige"<sup>39</sup>.

Nokor utrykkeleg symbolforplikting vart enno ikkje kravd av prestane - den eldste form av presteeiden som me kjenner (1564, fraa Lund)<sup>39</sup> inneheld berre lovnad um aa forkynna Guds ord og fly falske læror, - men den tid var ikkje langt undan, daa tenarane i kyrkja med reine ord maatte binda seg til vedkjenningskrifter.

Likesom der vart hevda einskap i tru og læra, soleis no ogso i kyrkjeskikkane.

I 1568 fyreskreiv kongen, at "alle kirkens ceremonier skulle brugis og holdis efter den ordning og skikk som holdis uti Vor Frue Kirke uti vor kjøbstad Kjøpenham"<sup>40</sup>. - Gudstenesta skulle foregaa etter autoriserte bøker. Til ordinansen og altarboki kom no graduale og salmebok. "Paa det ..uenighed udi sang og ceremonier en sinde maa avskaffes, og alting dermed ordentlig i kirkerne efter ordinantsen over alt riget herefter holdis kan", autoriserte kongen i 1565 ein "Gradual" eller "almindelig Sangbog .. paa Latine og Danske"<sup>41</sup> utarbeidd av biskop Nils Jespersøn paa Fyn, utgjevi 1573. Og i 1569 godkjente kongen ei ny salmebok med tonar, samla og utgjevi av mester Hans Thomessøn, sokneprest ved Vor Frue kyrkja i Kjøpenham.<sup>42</sup> Og samtidig fyreskreiv kongen, at alle kyrkior skulde eiga den danske Bibelen, den nye salmeboki, ordinansen, manualen (altarboki) og gradualen, og at bøkene skulde "blive med jernkeder smidede og heftet til degnestolen, saa at de altid skulde der blive tilstede og ei fran kirkerne...forrøkkis"<sup>43</sup>.

Etterhand vart daa denne einskap i kyrkjeskikkar gjennomført av biskopane, ved paaminningar paa stiftssynodane<sup>44</sup>, eller ved visitasane. Det var paa tide, at reformen kom. I Oslo-Hamar stift, segjer biskop Jens Nilssøn i 1580, "findes en stor uenighed udi cæremonier og kirkeskikk, saa at der holdis neppelige den skikk i den ene kirke som i den anden", men "det gaar uligelige til med sang og lektser og anden kirkeskikk". Etter meldingane fraa provstane fyrela biskop Jens Nilssøn i 1580 ei rekkja liturgiske og andre spursmaal for Sjællands biskop Povel Madssøn, som gav svar i samhøve med sedvanen i Kjøpenham<sup>45</sup>. - Den kjøpenhamnske ritus er venteleg fyrst uppteken ved domkyrkjerne, soleis at desse kunde tena til fyrebilæte kvar i sitt bispedøme. Synoden i Bergen

1584 paala prestane aa retta seg etter domkyrkja i alle kyrkje-skikkar og kyrkjelege handlingar<sup>46</sup>.

Kyrkjeskikkane var ikkje utan samanheng med læra. Kalviniserande teologar festa seg gjerne ved den sida av saki, og saag dogmatiske villfaringar i visse kyrkjeskikkar som var tekne i arv fraa den katolske kyrkja men ikkje hadde grunn i Skrifti. Det vart serleg gjort innvendingar mot elevasjonen ved nattverden og exorcismen ved daapen.

Upplyfting av dei vigde nattverdelement under konsekrasjonen var løyvt ved ordinansen, men kom innan lenge av dei fleste evangeliske teologar til aa reknast for ei leivning av den papistiske messeoffertanken<sup>47</sup>, og vart difor etterhand avskaffa i den danske kyrkja<sup>48</sup> i 1540-50-aari.

Annarleids med exorcismen eller djevleutdrivingi fyre daapen, den gamle primsigning. Etter Luthers fyrebilæte hadde ordinansen halde fast ved denne ritus<sup>48b</sup>. Professor Nils Hemmingssøn rekna exorcismen millom dei papistiske tilsetjingar som kunde vera burte<sup>49</sup>. Men daa ein av hans disiplar, den danske presten Iver Bertelssøn i Stege paa Møen, gav seg til aa utelata exorcismen paa eigi hand, - som han meinte, med gode grunnar -, vart han avsett og maatte gaa i klosterfengsel i Sorø 1566<sup>50</sup>. Han var ikkje den einaste, kring 1600 kom spursmaalet uppatt, vekte strid og kravde ei løysing.

Men det vanskelegaste dogmatiske emne var sjølve nattverdlæra, ikkje berre fordi villfaringar i dette stykke ofte fylgde med framande innvandra separatistar, men fordi der var ulike meiningar um det ogso innanlands.

Den norske presten Torleiv Gregoriison, som hadde studert ved universitetet i St. Andrews 1563ff<sup>51</sup> - just i dei aari daa kalvinismen sigra i Skotland - preika i 1571 i Bergen um altarsakramentet, "atde udvertis elementer vore ikkun tegen til Christi legem og blod som ei er tilstede". Han vart aatvara av biskop og domkapitel for sin vrange lærdom<sup>52</sup>.

Det kom ogso til orde kritikk<sup>53</sup> over, at Nils Hemmingssøn ikkje hadde uttrykt seg tydeleg nok um nattverden i framand-artiklane 1569<sup>53b</sup>. Han forklaara seg daa slik, at han var ueinig med Zwingli, men samstava med Augustin<sup>53c</sup>. Dermed ville Hemmingssøn koma undan ubikvitetslæra, som vart hevda av dei strengaste lutheranarane som Johann Brenz og Jakob Andreae<sup>54</sup>, - imot Augustin<sup>55</sup>.

Heilt tydeleg uttala Nils Hemmingssøn si nattverdlæra i

sitt dogmatiske hovudverk "Syntagma institutionum christianorum" 1574: "at Christus er tilstedes i nattverden ikkje med umsyn paa staden - for spør ein um staden, daa er Christi lekam avgrensa i himmelen -, men med umsyn paa trui aat mennesket som retteleg brukar Christi heilage nattverd", - non racione loci, sed racione fidei"<sup>56</sup>.

Men aa uttala ei ny og avvikande meining i eit viktig lærestykke var etter Frederik II's oppfatning aa setja trudomsfreden i faare. Alt det røre som dei teologiske strider og forhandlingar - ikkje minst um nattverden - framkalla i Tyskland, var kongen inderleg imot, og han vilde framfor alt hindra liknande usemja um trui i sine egne rike og land. Kongen kalla Hemmingssøn til seg og paala honom og hans kolleger aa lata vera aa skriva eller disputera um nattverden.<sup>57</sup> Og tri dager etter, 26.juni 1574 let kongen utgaa paabod til biskopar og prestar um aa halda seg til Confessio Augustana, utan all strid;

"Vider, at vi forfare, at udenlands allevegne, baade udi kirker og skoler, skal yppis og oppvekkis adskjellige nøi disputatser om sakramentid og andre den christelige troes artikle av urolige mennesker, ...Da paa det udi disse lovlige kongeriger maa holdis god endrektighed udi religionen og lærdomen, som til dess (Gud ske lov) været haver, og ingen nøi lærdomme indføris, ville vi, at udi alle kjerker... paa det allerenfoldigste skal læris og prædigis om sacramentid efter den Ausborgske Confession, og ingen nøi subtil disputats derom føris". Til denne norm, Augustana, skal prestane halda seg, naar dei "udi deris prædiken eller udi anden samtale" underviser soknefolket um trui. Den som gjer annarleids, skal staa til rette for kongen<sup>58</sup>.

Tavla um Herrens nattverd fraa 1557 vart no, i 1574, umsett til dansk og utvida og gjort klarare for aa tena til "en almindelig, obenbare og endrektig...confession og bekendelse" for kyrkja i Danmark og Noreg<sup>59</sup>. Men ho vart aldri paabodi eller publisert av kongen til dette formaal, det var tydeleg nok, at Frederik II ikkje ynskte nye vedkjennigsskrifter.

Men samtidig hadde kryptokalvinismen i nattverdlæra gjeve seg til kjenne - um og anonymt - i Sachsen, moderlandet aat det lutherske reformasjon, og det ved sjølve Wittenbergs universitet - som sidan Melanchthons tid var kryptokalv.

Kurfyrst August av Sachsen, som var ein energisk tilhengjar av den reine lutherdom, gjorde kort prosess og avsette sine kalviniserande teologar. Daa dei paaropa Nils Hemmingssøn, oppmana kurfyrsten i eit personlegt brev 1575 sin svoger kong Frederik II til aa reinska ut den kalvinske surdeig i Danmark. Hemmingssøn vart teken under skarpt forhøyr, og etter mange og lange forhandlingar gjekk han umsider i 1576 inn paa aa kalla tilbake si nattverdlæra i Syntagma. Og alle professorane og sokneprestane i Kjøpenhamm laut gjeva lovnad (1575) um, at dei i læra nøgje skulde halda seg til Luthers katekiskmus og den Augburgske konfesjon og ikkje med disputasar vekkja trætta og ueinskap um den rette og sanne religion i desse land og rike, og det "under Livs og Halses Straf"<sup>60</sup>.

Med eån slik innanriks kyrkjeleg fredspolitik er det forstaaelegt, at Frederik II stelte seg kjølegt til konkordieforhandlingane i Tyskland. Naar den danske og norske kyrkja hadde indre fred i religionssaker, og sjølv var istand til aa halda denne fred uppe, var det nok for Frederik II, og han fann daa ingi vinning i aa werta blanda inn i dei tyske dryftingane.

Under læreforhøyrret paa Kjøpenhamms slott i 1575vuttala Nils Hemmingssøn desse ord, som visseleg ogso motsvara Frederik II's meining:

"Tyskland er stort, og der er mange Fyrster, og de ere alle under Kejseren; hver haver sine Theologos, og de lempe sig efter deres Fyrster sicut coquus ad palatum Domini sui (som kokken etter sin herres gom). Kongen af Danmark er en Monark i sit Rige, hannem bør vi at svare. Der udgaar mange Confessiones in Germania, og vel i 14 Dage stundom den ene imod den anden: at vi skulle dennem underskrive, det er ubilligt. ..Jeg takker Gud og kong. Majestæt, at her er Enighed i Kirker og Skoler om den ene Lærdom som om den anden"<sup>61</sup>.

Hovudmannen for det tyske einskapsverket, universitetskanslaren Jakob Andrea i Tübingen, freista aa naa maalet ved aa overtyda dei avvikande um den rette lutherske læra. Paa sine mange og lange reisor for aa fremja einskapen kom han ogso i 1569 til Danmark, men hadde her ingen framgang hos kongen eller universitet, daa han gjorde seg til talsmann for ein spesialitet som ubikvitetslæra<sup>62</sup>.

Enn mindre var kurfyrst August av Sachsen, som gjorde kon-

kordieverket til si kyrkjepolitiske hovuduppgaa, stand til aa faa sin svoger Frederik II med paa det. Paa tvo store teologiske møte, i Torgau 1576 og i Bergen ved Magdeburg 1577 vart det etter tiltak av kurfyrst August utarbeidt ein konkordieformel, som straks vann aalmenn tilslutning over det lutherske Tyskland. Men hertogane i Holstein og Slesvig var imot, daa dei holsteinske og slesvigske teologane raadde ifraa, - der var vedkjennigsskrifter nok fyrr, og konkordieformelen inneheldt fleire umstridde læror, serleg daa den um ubikviteten<sup>63</sup>. - Det kunde ikkje vera utan vekt for Frederik II, at hans nære frendar tok dette standpunkt. Men meir kom ein internasjonal kyrkjepolitisk faktor til aa spela inn for kongen.

Dei reformerte evangeliske var misnøgde med at deira læra var fordømt i konkordieformelen og ynskte nye forhandlingar paa breidare grunn<sup>64</sup>. Dronning Elisabeth av England og kong Henrik av Navarra (seinare kong Henrik IV av Frankrike) vendte seg baae til Frederik II i konkordiesaki og gjorde det klaart for honom at samanhald millom alle evangeliske protestantar var naudsynlegt for aa kunna staa imot den romersk-katolske kyrkja. Frederik II kom difor til den overtyding at ved aa søkja einskap paa den vegen den tyske konkordiepolitikken fylgde, vilde ein berre framkalla meir usemja. Han freista aa faa kurfyrst August til aa gjeva upp sitt strenglutherske konkordieprogram, og vera med paa vidaregaaande forhandlingar og framforalt fylgja Frederik II's eksempel og nøgja seg med dei upphavelege reformatoriske vedkjennigsskrifter. Det var altsaman faafengt, og daa kurfyrsten paanytt klaga over Nils Hemmingssøns læra, let kongen denne høgvyrde men umstridde teologen falla og gav honom i 1579 avskil fraa universitetet til vidare, - sidan ein heiderleg pensjon.

Men, som Frederik II i 1580 uttala til Henrik av Navarra<sup>65</sup>, nye formlar og underskrivne bøker vilde han for sin del ikkje hava noko med aa gjera, han vilde bli staaande ved den læra som var overlevert i riket fraa hans faders tid, og ikkje gjeva nokon teolog løyve til aa forandra eller stridast um den kyrkjeordinans som eingong var vedteken og godkjend.

I 1580 utkom det fullferdige tyske Opus Concordia, konkordieboki, som inneheldt baade konkordieformelen og dei andre reformatoriske vedkjennigsskrifterne, som heretter skulde gjelda som regel for lærdomen. Daa Frederik II fekk boki,

staseleg innbundi, tilsendt fraa kurfyrsten av Sachsen, kasta han ho paa elden - "han hadde fanget en Djævel, som han vilde brænde", sa han - og næste dag, 24. juli 1580, utferda han til alle biskopar og til professorane i Kjøbenhavn strengt forbod mot konkordieboki. Ingen bokførar maatte innføra og selja boki, elles skulde han ha sin eigedom forbroten, og um han var innanlands mann, straffast paa livet. Prestar og skulemenn maatte ikkje eiga boki, um dei ikkje vilde ha sitt kall for brote, og dertil straffast utan naade; um boki fanst hjaa studentar, kunde dei og venta høgaste straff. Og um biskopane saag gjenom fingrar med forbodet, skulde nok kongen syta for, at dei fekk avløyning. - Grunnen til forbodet - segjer kongen - var, at i konkordieboki "skal findis den lærdom, som oss og vore kirker er fremmed og ubevant". Men "vi som en christelig øvrighed trakte efter, den rette lære og enighed at erholde udi disse riger, udi hvilken vi ere opdragne og have været til desse, og derfor at hindre og avvende de aarsager, hvorvid fred, ro og enighed kunde forstørris og andre forføreris"<sup>66</sup>.

I den same aand aatvara no biskopane paa synodar og i hyrdebrev mot konkordieboki<sup>67</sup>, - soleis biskop Jens Nilssøn, som i sitt merkelege hyrdebrev av 1581<sup>68</sup> med inntrengjande ord formana prestane til aa akta seg for desse som under einskap og venskaps maska berre er opphavsmenn til usemja og strid.

Forbodet mot konkordieboki var ei avvisning av den nyare strenge Lutherdom, men vart difor i røyndi til fyremun for den mildare filippistiske retning. Baade i Danmark og Noreg hadde Melanchthon og Nils Hemmingssøn stadig mange disiplar som saag upp til deim med høgvyrdnad, og hadde ein serleg kjærleik for den wittenbergske teologi.

Blandt desse var biskop Jens Nilssøn i Oslo-Hamar, som i sitt hyrdebrev 1581 priser Luther og Melanchthon jamsides som dei store lærefedrane i den evangeliske kyrkja. Me veit at Jens Nilssøn godkjente den kryptokalvinistiske Wittenbergkatekisma av 1571 til skulebruk; og at han sendte ein av sine søner paa studium til Skotland, tyder just ikkje paa otte for calvinismen<sup>69</sup>. - Biskop Jørgen Erikssøn i Stavanger nemner i sine Jonas-preikor av 1592<sup>70</sup> ikkje berre Luther, Palladius og Brenz, men ogso Melanchthon, Machabæus og Hemmingssøn som "Christi Kirkes tro Bygningsmend".

Blandt den yngre generasjon av norske teologar fyre og etter 1600 finn me - likesovel som millom dei danske - ikkje faa



som gjekk vidare og let seg meir og mindre paaverka av krypto-  
kavlinismen, - serleg slike som høyrde til Tyge Brahes krins.<sup>70</sup>  
Einaav dei er den lærde bergensaren dr. Kort Salaksson (1564-  
1624) - den fyrste nordmann som vart professor ved Kjøpenhamms  
universitet (1600). Paa sine lange studiereisor utanlands paa  
1590talet vitja han ogso fleire kalviniserande eller reformerte  
høgskular, bl.a. Siegen i Nassau, Heidelberg, Genf, Oxford,  
Cambridge, Edinburgh, St.Andrews, og vart derigjenom sterkt  
dregen til kalvinismen, - ein paaverknad som ofte gjorde hans  
stilling som professor i teologi (fraa 1607) vanskeleg for honom.  
- Til Hemmingssøns vener maa reknast den fyrr nemnde nordmannen  
Nils Lauritsson Arctander (1561-1616) slottsprest i Kjøpenhamn,  
sidan biskop i Viborg; han studerte ved universitetet i Mar-  
burg, som hadde sterkt reformert karakter, og i 1593 umsette  
han Hemmingssøns bok um naadevalet og den frie vilje, der  
forfattaren tok ei millomstoda millom Calvin og Luther<sup>71</sup>.

Den konfesjonelle norm, som var fastsett av Frederik II, vart  
halden uppe under Christian IV, og det like strengt og kon-  
sekvent som fyrr. Alt i byrjingi av Christian Iv's regjering  
vart det funne naudsynt paanytt aa innskjerpa Augustana som  
lærenorm, baade i Danmark og i Noreg. Dette skjede - heiter det -  
forat ikkje "urolige Mennesker" skulde forstyrre trudomsfreden  
og "af egensindighed noget nyt eller nogen forandring, nye  
disputering eller ceremonier kunde dennom understaa (at)  
begynde". Ved kongebrev av 21.juli 1588 for Danmark<sup>72</sup> og av  
10.april 1591 for Noreg<sup>73</sup>, utferda av det danske regjerings-  
raadet paa den mindreaarige kongens vegner, fekk biskopane  
paalegg um aa forbjoda prestar og skulemenn under straff aa  
uppvekkja "nye Disputatser" um sakramentet (d.e. nattverden)  
eller andre trudomsartiklar, eller "av egensindig privat mening"  
aa forandra ceremoniane; i lærdom og i ceremoniar skulde  
dei halda seg "efter den hellige prophetiske og apostoliske  
Skrift og den Augsburske Confession" og etter ordinansen og  
Frederik II's paabod.

Ved Christian IV's hylling i Oslo sumaren 1591 band det  
seg eit serlegt høve til aa faa fastsætt paa høgtodleg maate  
den evangeliske kristendom som gjeldande offentleg religion  
i Noreg og aa forplikta kongen paa den. Idet den norske adelen  
ved hyllingi søkte kongen um forbedring av sine privileg,  
gjorde dei seg ogso i 1ste post til talsmenn for religionen<sup>74</sup>  
- mogeleg etter ynskje av biskopane i Noreg, som var samla

ved hyllingi -. Og kongen gav denne forplikting i dei privileg for den norske adelen, som regjeringsraadet etter hyllingi utferda paa Kronborg slott 31. juli 1591 i fylgjande ordelag<sup>75</sup>: "Efterdi Guds frygt og den sande Religion er en Begyndelse til alt godt, og Splid og Uenighed udi Religionen medfører Usamdrægtighed, ikke aleniste blandt de lærde, emeden og iblandt menige Undersaatterne, da have vi nu med menige Danmarks Riges Raas det saaledes besluttet at ville haandhæve og beskytte den Religion og Lærdom, som nu prædikes her udi vort Rige Danmark, saavel som og udi vort Rige Norge efter den hellige bibliske, profetiske og apostoliske skrift og den Augsburgske Konfession uden all Forhindring". Og samtidig tok kongen oppatt forbodet mot disputasar og forandring i ceremoniar.

Det er fyrste gong Augustana vert fastslaatt som religionslov i Noreg i ein statsforfatningsakt.

Den same kongeforplikting vedrørande religionen, men utan Augustana, vart i 1604 uppteki i Christian IVs nye norske lovbook, som var ei umarbedding av Magnus Lagabøters landslov; ho fekk her plass i Tingfarebolken kap X: "Oc efterdi, guds fryct, oc den sande religion, er en begyndelse til alt got: da skal kongen være forpligt, at hanthæffne oc beskytte, den religion som nu predickis udi Danmarck oc Norge, efter den hellige bibelske, prophetiske oc apostoliske scrifft uden all forhindring"<sup>76</sup>

Um kongebrevi av 1588 og 1591 um einskap i religionen hadde si orsak i konkrete tilhøve, kjenner me ikkje nærmare til. Men like fråa byrjingi av Christian IV's regjering vart det ført nøgje tilsyn med læra og ceremoniane, -øserleg galdt det kalviniserande prestar og teologar. Ein av desse var dansken Isak Grønbeek, sokneprest ved Nicolai kyrkja i Kjøbenhavn; han hadde studert bl.a. i Nederland, ved universitetet i Leiden, og uttala seg i 1594 i ei pinsepreika paa kalvinsk maate um naadevalet. Han vart suspendert, men tilbakekallte si villfarande læra<sup>77</sup>. Tvo aar etter vart han biskop i Trondheim.

Blandt dei kalviniserande meiningar var utantvil forkastingi av exorcismen den som hadde størst tilslutning. Jon Jacobssøn Venusin, sokneprest ved Helliggeist kyrkja i Kjøbenhavn, var i sine unge aar paaverka av den kryptocalvinistiske aand blandt studentane i Wittenberg, og tok seg i 1588 til aa utelata exorcismen ved daapen. Han vart suspendert av regjeringsraadet,

og laut forplikta seg til aa bruka denne ceremonien i framtidi. - Men han stod ikkje aaleine. Og fleire aar seinare, daa kong Christian IV forstod, at "nogle søndelig lærde mend" var av den meining, at exorcismen var "ganske unødige" og sakna grunn i Skrifti, fann han at ein kunde gaa til aa avskaffa desse "levninger udav pavedommit". Riksraadet var einig med kongen i at dette kunde no skje "uden nogen forargelse udi religionen". I 1606 utbad Christian IV seg fraasegner um spursmaalet av det teologiske fakultet og biskopane, og so viss var han i si sak, at han let si nyfødde dotter Elisabeth døypa av Sjællands biskop utan exorcisme, og exorcismen vart stroken i den nye norske kyrkjeordinans som var under arbeid. Dei fleste av professorane, bl.a. Kort Aslaksson og Jon Venusin, samtykte. Men biskopane var i det heile imot forandring, og blandt professorane forsvara den ortodokse lutheranaren Hans Povels-son Resen energisk exorcismen ut fraa ei religiøs grunnsyn og med studnad i kyrkjefedane og Luther. Exorcismen vart difor staaande og sett innatt i den norske kyrkjeordinansen 1607 men for kongehuset let Christian IV utelatingi gjelda.

Men det var ein annan konfesjonell faare, som etterhand tok til aa gjeraseg gjeldande, nemlig krypto-katolisimen. I 1570-aari la den romersk-katolske kyrkja for aalvor planar um aa vinna tilbake dei nordiske land. Jesuitordenen paatok seg oppgaaava, og med dess hjelp organiserte pave Gregorius XIII arbeidet. i 1578 vart tvo jesuitiske skular (collegio) umskipa og utvida med presteseminar og pavelegt alumnat for aa tena til centra for utdanning av innfødde misjonerar til dei nordiske land, nemleg i Olmütz i Mähren og i Braunsberg i Aust-Preussen. Det nye jesuitiske akademi i Wilno i Litauen, grunnlagt 1578, sovelsom dei eldre universitet i Prag, Wien og Gratz, skulde verka i det same formaals tenesta.

I Sverige tok kong Johan III til aa nærma seg den romersk-katolske kyrkja, under paaverknad av si pølske dronning Katharina Jagellonica, som var katholikk, og hennar pølske jes. skriftefedrar. I 1576 byrja jesuitordenen misjon i Sverige, under leiding av nordmannen Laurentius Nicolai Norvegus, som grunnla og stod fyre eit kollegium i det gamle fransiskanklostret paa Graamunkeholmen i Stockholm.

Laurentius Norvegus, som i Sverige gjekk under namnet Klosterlasse, var fraa Tunsberg, fødd 1538), - ikkje bror av biskop Jens Nilsson av Oslo, som fleire nyare granskarar hev meint. Han gjekk paa den evangeliske latinskulen i Kjøbenhavn

i slutten av 1550-aari, og er visstnok her komen i samband med jesuitane som ikring 1560 hadde eit kollegium i Danmarks hovudstad. Han gjekk over til den katolske kyrkja - den fyrste norske konvertitt etter reformasjonen - vart vigd til katolsk prest 1562, og aaret etter uppteken i jesuitordenen, studerte i Louvain, Donai og Köln, tok graden som magister artium og avla dei fire lovnader som profess i 1575. Misjonen i Sverige, som var hans fyrste sjølvstendige oppgaaava, vart overdregen til honom same aaret av paven, etter tilraading av kardinal Stanislaus Hosius, biskop av Ermland i Preussen, leidaren av motreformasjonen i Preussen og grunnleggjar av kollegiet i Brausberg.

Verksemd i aat Laurentius Norvegus og deicandre jesuitane i Sverige møtte sterk motstand blandt dei svenske lutherske teologane, misjonen maatte etter faa aar stansa, og Pater Laurentius for i 1580 fraa landet. I den fylgjande tid, umlag 25 aar, verka han som lærar ved ymse jesuitiske høgskular, i Olmütz, Prag, Gratz, Braunsberg.

Alt sidan 1579 finn me nordmenn som læresveinar hos jesuitane i Braunsberg, seinare ogso i Olmütz og i Wilno, stundom ved andre jesuitiske skular og universitet. Danskane fylgde mannjamnt etter, serleg i slutten av hundradaaret.

Men der er ikkje teikn til at jesuitkollegiet i Kjøpenhamm 1560 - som visstnok berre hadde ei stutt levetid, eller misjonen i Sverige i 1570-aari, eller studierne ved jesuit-skular i utlandet sidan 1579, hev paakalla merksemd i aat dei danske regjeringsautoritetane. Det er anabøptistar og sakramenterarar, kalvinistar og konkordielutheranar, som det fyrst og fremst galdt aa verja seg imot og taka avstand ifraa. Papistane staar før tanken som ein fjernare fiende, og like fram imot 1600 synest ingen i Danmark aa ha rekna med nokon nær konfesjonell faare fraa romersk katolsk sida.

I Noreg derimot hev biskop Jens Nilssøn i Oslo-Hamar tidleg vore merksam paa at jesuitane var utanfor portane. Og i sitt hyrdebrev 1581 ropa han eit kraftigt varsku imot deim, - med tydeleg tanke paa deira verksemd i Sverige og serleg paa Laurentius Norvegus ("ein av vaare landsmenn", som han kallar honom). - Biskopen kann ikkje finna ord sterke nok til aa skildre jesuitane og deira forførande kunster. Nokon innanlands faare talar Jens Nilssøn likevel ikkje um - og med aari hev han fenge ei onnor syn og til og med samtykt i at ein av prestane

i Oslo bispedøme sendte sin son til skule hos jesuitane<sup>78</sup>.

Men i aari kring 1600 kom snart den eine, snart den andre danske studenten heim fraa utlandet og fortalte ope at dei hadde vore ved jesuitskular, og eit par av dei ynskte aa faa dosera ved Kjøpenhamns universitet. Dette gjorde professorar og biskopar tvilraadige og ottefulle. Paa stiftssynoden i Lund 1602 tok den 75-aarige biskopen Mogens Madssøn i ein lengere tale til ordet mot "den jesuitiske sekt" og gjorde kraftige utfall iser mot seminaret i Braunsberg.

Laurentius Norvegus, som den tid verka i Braunsberg, gav no i prenten eit merkelegt brev, paa dansk 1602, paa latin 1603, til professorane i Kjøpenhamn, i namnet aat "studenter af Danmarks og Norges riger værendes udenlands for boglige konstners skyld". Desse studentane - heiter det - vedstaar at dei er komme til den overttyding, at den lutherke læra og heile reformasjonsverket er forkastelege, men dei meiner reformasjonen hev gjeve kvar mann rett til aa bliva ved si fedratru, og dei vonar at dei difor ikkje skal vera utestengde fraa embete i heimlandet.

Nokor fylgja fekk desse hendingar og innlegg enno ikkje. Men daa kongen um sumaren 1604 var i Bergen, klagde dei norske biskopane for honom, "hvorleedes ~~andeeel~~ borgere i Kiøbstæderne hafde faaet Vane at forsende deres Børn til fremmede og uden Riges Stæder for at oplæres af Jesuiterne, hvortil de bleve forførde af de fremmede Kiøbmænd; og særdeeles de som kom fra de Spanske Nederlande. De gave ogsaa tilkiende, at Jesuiterne self kom undertiden med Skibene forklædde som Kiøbmænd eller Skibs-Folk, paa det de uden Mistanke og Fare desto snarere kunde lokke Ungdommen til sig; mueligen til dend Ende, at de dennem siden, naar de vare forgifne med Papistiske Lærdom, tilbage igien udi Riget kunde sende, for at saae Klinte iblant Hveden, og igien udspreede i Riget de Papistiske Vildfarelser, som med saa stor Flid og Umage allerede tilforn vare blefne udryddede"<sup>79</sup>.

Kongen utferda straks, fraa Bergenhus 24 juli 1604, eit skriftleg paalegg til biskopane i Noreg, at dei ikkje maatte tilsteda slike personar til prestekall, men avvise deim"<sup>80</sup>. - Likelydande paalegg gav kongen same hausten til biskopane i Danmark<sup>81</sup>. Og samtidig let kongen - som fyrr umtala - utarbeid. ein ny og forbetra leseplan for latinskulane, for at foreldri ikkje skulde ha orsak til aa senda sine born til jesuitskular<sup>82</sup>.

Alt neste aar vart den fyrr nemnde dugande rektoren i Malmö Jens Aagesson Raaby avsett<sup>83</sup>.

Etter at no jesuitskulane i 25 aar hadde motteke og sendt heim att ein retteleg stor flokk danskar og nordmenn, fann Pater Laurentius Norvegus tidi inne til ein direkte aksjon i Danmark og Noreg. Han gav ut ei større bok, trykt paa latin i Krakow 1604 og paa dansk i Braunsberg 1605 med titelen: "Confessio Christiana, det er Den Christelige Bekiendelse om Herrens veig, hvilken den Christelig menighed udi disse trende nordlenske riger, Danmarck, Sverige oc Norrige stadelige hafuer bekiendt oc ekfterfuldt, fraa det første de hafuer annammedtoden Christelige tro ofuer sexhundret aar indtil Christiab den tredie Danmarckis och Norrigis, og Götstaf Suerigis rigis Konningers tyd. Af Laurits Nielssen af Norrige". Med varme og klokskap forsvara han her den katolske tru som fedratrui, og oppmana lesaren til aa ransaka den gamle læra. Og for aa rettleida til ei slik ransaking og reisa minnet aat fedrane er det han i denne bok gjev ei framstelling av deira "christelige Bekiendelse". Boki dediserte han til kong Christian IV og Danmarks og Noregs raad og adel.

Og i 1606 kom P.Laurentius personleg til Danmark, fyrst til Helsingør der han oppheldt seg ei tid og samla folk i kring seg, og so til Kjøbenhavn. Han forklara, at det var hans ærend aa stella sin person til tenesta for kongen, for aa jamma dei religiøse strider og faa einskap til vegar i religionen. Sidan vilde han til Noreg i privat ærend (for ein arv skuld) og ynskte pass til ferdi.

Men kongen stemnde P.Laurentius for konsistoriet ved Kjøbenhams universitet, og han møtte der, mykje mot sin vilje. I nærvær av professorane tiltala den kgl. sekretær Jonas Charisius P. Laurentuis og gav honom svar paa kongens vegner: forbaud hans bok, avviste hans tilbod um hjelp, nekta honom pass til Noreg, og paåla honom aa fara or landet. "Med umsyn paa religionen er ved Guds velgjerning og ved kongens fromme forfedrar dette rike ordna slik, at det ikkje treng nokon reformasjon, allra minst av deg eller folk av ditt parti". P.Laurentuis hadde venta eit heilt anna svar, men bøygde seg for kongens vilje. Ordskifte med professorane kom ikkje i stand. Nokre dagar etter vart P.Laurentius sendt paa eit skip til Rostock.

Kongen meldte straks til stadhaldaren i Noreg, Jørgen Friis,

og til biskopane i Oslo og Stavanger, at P.Laurentius hadde tenkt seg til Noreg, kanskje formaa spreida den jesuitiske lærdom løynleg blandt undersaattane. Biskopane skulde formana prestane til aa halda seg undan P.Laurentius og hans fylgje og "udi ingen Gemeenskab, enten med Omgjængelse, Disputation eller anden Vidtløftighed sig med denne indlade", men melde dei til stadhaldaren. Denne skulde fyrehalda P.Laurentius og hans like, "at de dem strax ufortøvet ud av Riget pakke", og "ved billige Midler paa Skuder eller i anden Maade dem derfra forskaffe", og truga deim med dødsstraff um dei trassa kongens forbod<sup>84</sup>.

## NOTER

1. Krag & Steph. Chr. III. Addit. 92.
2. Aarsb. Geh. Arch. I, 92
3. DkI I, s. 487
4. Rørdam, Kbh. Un. H. I, 285-6.
5. " " I, 192-5.
6. jfr. DkI I, 250f. 254. 346. 461.  
Rørdam, Kbh. Un. H. I, 21779.
7. NyKh S I, 323. 324
8. Ny Kh S I, 323. 328f.
9. fyrst hos Arild Huitfeld 159 sidan hos H.P. Resen 1638
10. Zwergius, SiM. Cleresie.  
D. Mag. II, 194-202  
Ny Kh. Saml. I, 318-35  
Helveg Kh. Rørdam, Sadolin.  
Rørdam, Kbh. Un. H.
11. Rørdam, Kbh. Un. H. I, 216-7
12. " " I, 171-3.
13. DkI I nr. 363. 364. NR I, 170
14. DkI I, 364
15. Klex. f. N. III,
16. DkI I, 363. 365
17. Klex. f. N.
18. Helveg<sup>2</sup>
19. Helveg<sup>2</sup> I, 125-30
- 19b. (atterdøyparane synte seg i Holstein og dei slesvigske  
Frisland) Rørdam, KBH. Un. H. I, 259
20. DkI I nr. 471. 472  
Paus II, 314-5. NR I, 190
21. DkI I nr. 363. 471  
NR I, 170. 190
22. Rørdam, Kbh. Un. H. I, 228. 257
- 22b. " " I, 264-5
23. Kleks. f. N. IV, 833
24. Dän. Bibl. V, 177ff.
25. Rørdam, Kbh. Un. H. IV nr 55. Hemmingssøns danske umsetjing  
1574 i KhS. I, 224-41.
26. Dän. Bibl. V, 221-27
27. (M. hadde ikkje vilja vera med paa aa fordøma Jan Laski)  
Helveg<sup>2</sup> I, 162.  
Rørdam, Kbh. Un. H. I, 259-65.
28. Kleks. f. N. II, 346f.
29. Rørdam, Kbh. Un. H. I, 268-9.
30. Aarsb. Geh. arch. I, 289.
31. " " I, 289. 286.
32. Rørdam, Kbh. Un. H. I, 25778.
33. Helveg<sup>2</sup> I, 186
- 33a. Müller, Kg. II 2, 81f.
34. KhS. 2 IV, 225  
V, 391  
3 IV, 469
35. Ny Kh S IV, 231ff  
DkI II nr. 180. 183
36. Secher II, 420
37. Jfr. ogso eit tilfelle fraa Stavanger, Jørgen Eriksson,  
Jonæ Prophetis skjøne Hist. 1592, f. 820-831<sup>2</sup>
38. Dei springande punkt i fr. art. - sjaa Helveg<sup>2</sup> I, 186.
39. DkI I, 204-6.
- 39a. Kh S 3. IV, 470
40. DkI II, 105-6, jfr. 316
41. DkI II, 76-78
42. DkI II, 135-7
43. DkI II, 136



44. Bergen 1584. N.Mag.II,94.97. § 4.33.35.
45. JNV CVIII-CXII. DK1 I,315-21.
46. N Mag. II,97.
47. jfr Tabella de cæna domini 1557 R.KUH IV,82
48. DK1 I,254.II,13-14.
- 48b. DK1 I,69.255-6.463. II,317.
49. Euchiridion 1557
50. Helveg<sup>2</sup>I,177-82.
51. N Mag.I,214, jfr.349.
52. N Mag.I,445
53. jfr. Schumacher, Gel.M.Br. I,372:H.v.Bruchofen,1570.
- 53b.art.16: at Christi lekam og blod var "sandelig og visselig tilsæde udi hans Naderis savramente".
- 53c.Pontoppidan,Ann.III,427.  
Ny Kh S. IV.744
54. Andrea's brev til Hemm., Kolding 13/11 1569. Pont III,421-6.
55. Seeberg,Grundriss d.DG.59.  
Gisle Johnson,Dogmehist.160
56. Helveg<sup>2</sup>I,200. Ny Kh.S. IV,294-5.
57. NY Kb S IV,299. Samtalen var 23.juni 1574.
58. DK1 II,234-5. Kb.S I,242-3.
59. Kbs I,224-41; sjaa serleg 225.
60. Ny Kh.S. IV,300-303. 744-6.
61. Ny Kh S. IV,299.
62. Pont. Ann. III,421-6.
63. Helveg<sup>2</sup>I,211-12.
64. Rørdam, Kbh.Un.H. II,202.
65. KHS I,249
66. DK1 II,322-3  
R.KUH IV,306-7
67. Helveg<sup>2</sup>I,217
68. SSM 12-17.
69. Brandrud,JN 91-2
70. fyreordet, f.Cj.?
- 70b.Helveg<sup>2</sup>I,242-3
71. " I,241
72. DK1 II,444-6
73. NR III,169-70
74. Johnsen,Aktstykker I,s.110
75. Paus 424-32. NR III,198-206
76. Hallager og Brandt s.2277
77. D.Mag.I
78. Mnter,Ref.H.II,639
79. N.Slange, Chr IV I,206.
80. NR IV,80-1.
81. DK1 III,16-17.20
82. DK1 III,17720.
83. Rietz 360 Lühr nr.164.
84. NR IV,153-4, 9/6 1606.

Ingen norsk kyrkjeordinans.

Noregs-artikelen i den danske kyrkjeordinans av 1537/39 gav lovnad um, at kongen skulde skipa ordinansen til etter norske tilhøve so snart han kom til Noreg. Det vart aldri noko av Christian III's Noregs-ferd. Men daa han i 1548 sendte som sin, Frederik (II) til Oslo for taka imot hylling og eid av nordmennene, fyrebudde han prinsen paa aa svara, um det vart spurt etter ein norsk ordinans. Kva som vart spurt, og kva som vart svara, er ukjent. Men noko tiltak vart ikkje gjort.

Den evangeliske kyrkjeordinansen, som var utarbeidd for Danmark, og for Danmark aaleine, utan tanke paa dei norske, - vart hovudkjelda for den evangeliske kyrkjeordning i vaart land. Denne reformasjonslov vart kunngjord paa Oslo-møtet i 1539, og forkynnt av superintendentane kvar i sitt bispedøme, og gjennomført so vidt det let seg gjera.

Men jamnsides med den nye danske kyrkjeordinansen reknast dei gamle norske kristenrettane framleides som kyrkjeleg rettskjelda i Noreg. Og det med god grunn. Daa Christian III vart teken til konge i Noreg, lova han i ei kunngjering 1536 aa halda nordmennene ved "Sancte Olavs konnings lov", og han stadfeste høgtideleg denne lovnaden ved kongehyllingi i Oslo 1548. "St. Olavs lov" var i den tid det staaande uttrykk for heile den norske rettsorden, som var nedarva fraa forfedrane sidan St. Olavs dagar, og blandt desse lover var ogso kristenretten, - serleg dei nyare kristenrettane fraa Magnus Lagabøters og erkebiskop Jons tid. Norske domstolar dømt framleides etter kristenretten<sup>1</sup>. og i tiendestriden heldt bøndene seg til St. Olavs lov. Spursmaalet var, kor mykje av kristenretten framleides var gjeldande.

Den som for<sup>a</sup>alvor tok dette spursmaalet upp, var den danske superintendenten i Trondheim M.Hans Gaas, paa si Danmarks-ferd i 1552. Av utrykte uppteikningar um hans ærend<sup>2</sup> ser ein at det var paa tale aa halda eit møte av lagmenn og superintendentar til aa umarbeida

kristenretten<sup>3</sup>. Det stod daa til kongen aa avgjera kor mykje som skulde framleides haldast ved lag av dei gamle norske kyrkjelovene.

Christian III's interesse var ikkje so stor, at noko vart gjort med saki den gongen. Men ogso spursmaalet um ein revisjon av den verdslege norske lovbok trengte paa. Og daa Christian III i 1557 gav Noregs rikskanslar og lagmenner m.fl. paalegg um aa gaa i gong med dette arbeidet<sup>4</sup>, var det naturleg at ogso kyrkjelovi atter kom paa tale.

I 1558 vitja M.Hans Gaas atter Danmark for aa gjeva kong Christian III tilkjenne, "hvor ille kononglig ordinantze, Hans Naadis segil ok brev, blev ... av Hans Naadis tjenerne foraktet"<sup>5</sup>, og bera fram kravet um, at arbeidet med ein norsk kyrkjeordinans no maatte bli sett igong og lagt i hendene paa "dennem som ved landsens bevilighed"<sup>6</sup>. Men heller ikkje denne gongen vart det noko av. Hans fekk ikkje ein gong kongen i tale, - Christian III laag sjuk og døydde snart etter.

Noregs-artikelen i den danske kyrkjeordinansen av 1537/39 vart soleis ikkje innfria av reformasjonkongen, og heller ikkje hans son og etterfylgjar Frederik II kom til aa gjera det.

I Danmark tok Frederik II i sine fyrste regjeringsaar upp arbeidet med ein revisjon av den danske kyrkjeordinansen, og paala superintendentane i Danmark aa gaa i gang med det. Eit latinsk utkast vart utarbeidt i 1561 og er enno til. Men av ein eller annan grunn vart det ikkje gorkjent av kongen<sup>7</sup>.

Det hadde - som Hans Gaas segjer - vore "ringe gjort"<sup>7a</sup> d.e. det wilde ikkje ha kosta mykje umak, aa tillempa den danske kyrkjeordinansen etter norske tilhøve. Naar det ikkje skjede, men kongen forsømte kyrkjeordningi i Noreg, torde grunnen vera mangel paa kjennskap til norske tilhøve. Korkje Christian III eller Frederik II hadde sett meir av vaart land enn Viki - dei hadde vore i Oslo ein gong som prinsar, Christian i 1529, Frederik i 1548, men kom aldri til Noreg som kongar -. Dei hadde visseleg ingi fyrestelling um, kva for ein

umaateleg skilnad der var millom Danmark og Noreg i natur og livsvilkaar, og hadde ingen sans for den norske samfundstradisjon.

Ein dansk kyrkjeembetsmann i Noreg som M.Hans Gaas fekk ved sjølvsyn ei heilt onnor røynsla. "Der findes i Trundhjems stift, skriv han, mere end 60 mile eller egesøes<sup>8</sup> som folk bor, preste og kirker holdes, og saaes der ikke en skjeppe korn, og sammesteds end saaes under fjelden, og forderves kornet av frost ok kuld, saa at almuen nedes til av sult stundom at æde barkebrød. Der vil ikke gjerne prester være, uden de kan faa anden underholdning: av tiende, av vilde skoudjur, naar bonden maa (d.e. kunde faa lov til at ) skjude dem. Item over alt Trondhjems stift tiendes intet av kalve, lam, gjæs (som i Danmark), ikke kan heller presten hente korntiende i kjerne som i Danmark. Somme haver vel 7 eller 10 ugesøes til deris præst over store fjorde; naar de skulle hente præst til deris sjukge folk ok andre sognebud, tage de smaa baade, at det og ofte skeer, at baade præst og folk bliver borte"<sup>9</sup>.

Men dei praktiske krav let seg ikkje visa tilbake. Og medan nordmennene faafengt venta paa, at kongen skulde taka saki i si hand, kom det fram ei rekkja kyrkjerettslege privatarbeid, med det fyremaal aa nyttiggjera det brulege lovstoffet i dei gamle kristenrettane, - dels ved umsetjingar, dels ved kompilasjonar, dels ved utdrag<sup>10</sup>.

Fyrst kom det istand ei umsett samanarbeiding av Gulatings nyare kristenrett og Jons kristenrett, utført i 1551 av Laurens Hansson paa Skoge paa Sotra (i Lunds prestegjeld i Nordhordland). Han hadde fyrr vore skriivar i Frederik I's kanselli og døydde som lagmann i Stavanger og er kjent som den fyrste umsetjaren av dei norske kongesogene fraa gamalnorsk til norskdansk. Denne kristenretts-versjonen hev Laurens Hansson sjølv skrive inn i ei lovbok som tilhøyrd superintendenten i Bergen M. Geble Pedersson, - arbeidet er utan tvil utført etter hans oppdrag. Dei reint katolske luter av kristenretten, slike som

no var avlegs, er her utelatne.

Eit anna større arbeid utførte M. Hans Gaas sjølv, nemleg ei fullstendig, uavkorta umsetjing av Jons kristenrett. Daa han kom til Noreg som superintendent i Trondheim 1549, fekk han ofte høyra tale um, at der var ein gamall kristenrett, som presteskapet i Noreg skulde retta seg etter, til kongen fekk gjort ein ny norsk kyrkjeordinans, soleis som han hadde lova i den danske kyrkjeordinansen. Hans Gaas skaffa seg eit eksemplar av Jons kristenrett for aa sjaa kva han inneheldt. "Daa var han udskreven paa gammel norske maal, saa jeg kunde paa den tid ikke læse med rett forstand 2 linjer av henne". Biskopen bad fleire lærde menn um aa "udsette samme Christenret paa danske, eller paa det maal som nu forstandeligt er og her i riget menlig bruges". Men ingen vilde gjera det, og daa der ikkje elles fanst nokor dansk umsetjing av Jons kristenrett, tok Hans Gaas seg sjølv fyre aa gjera arbeidet. Til det fekk han hjelp av lektor Anders paa Trondenes, - ein mann som elles er ukjend i historia, men etter lektortitelen aa døma kann han ha vore ein tidlegare dominikanarmunk i Trondheim, for der var lektorar i kosteret like til reformasjonen. Hans Gaas fann, som han segjer, "meget ugudeligt og uchristeligt" i den gamle kristenretten, men ogsa "mange nyttelige ting i blant, som behov gjøris og skel ved magt holdis, om klerkeriet skal intet fordervis og nødis at overgive deris gjeld og kirker". Serleg siktar han daa til økonomiske fyresegner, som um tiende av fisk, salt, tjøra, kvalspekk, og til fyresegner av praktisk art.

Hans Gaas's umsetjing av Jons kristenrett fyrelaag ved midten av 1550-aari<sup>11</sup>. Ho imøtekom ein verkeleg trong, for den levande kjennskapen til gamalnorsken tok til aa kverva meir og meir her i landet. Umsetjingi vart utbreidd i avskrifter. Fyrst 200 aar seinare naadde no fram til utgjeving i prenten<sup>12</sup>.

Av andre kyrkjerettslege arbeid av same slag er aa nemna ei umsetjing paa dansk-norsk blandingsmaal av Borgartings nyare kristenrett,

utarbeidd i 1566 av ein elles ukjend mann Jacobus Matthias Agricola.

Men ikkje noko av desse arbeid skapte ny rett. Det var saki aat den lovgjevande mynja. I tidi fraa 1539 og utetter, vart det utferda ei rekkja einskilde lovfysesegner um kyrkjelege tilhøve, anten i recessar og rettsbøter fraa kongelege kommissærar eller fraa overordna kongelege styresmenner, eller fraa kongen sjølv i forordningar, opne brev og sendebrev. - Desse er umtalt i sin historiske samanheng og skal ikkje oppreknast her<sup>13</sup>.

## NOTER

1. DN IX nr.759. Tønsberg lagtings dom 1559, NKO 1604 s.161. N.Stam s.50 (jfr.24). jfr. Nord.Univ.tidskr.VI 3,s.56 note.
2. Thott 1272 fol.
3. NKO 1604, 194f.
4. NR I, 207-8.
5. D Mag VI, 327
6. DN XII nr.666
7. Gl.Kgl.Saml.3182.4<sup>o</sup>. Utdrag i Kh S. 2.IV,225-31, jfr KhS.3.IV,469-77.  
7a.DMag.VI,315
8. gamalnorsk:vika sjøfar eller vika sjøs=sjømil
9. D.Mag VI,313-5.
10. KO 1604,197
11. G.Storm i VS 1879,s.14.47. Eg hev i NKO 1604,s.197 sett "1559 eller før", - det maa vera bygt paa, at eg hev datert avskrifti i Gl.Kgl. Saml. 1156fol til 1559 (s.209), men dette er nok feil for 1589.  
NB: Hans Gaas nemner i fortalen at hans kapellan paa Trondenes drukna "i Aar".
12. H.Paus, Gl.n.Love II.5,s.109-160,Kbh.1751.
13. sjaa NKO 1604,s.209:note 3 til s.198.

Kyrkjeordinansen for Noregs rike, 1607.

Reformasjonshundraaaret gjekk til ende, utan at Noreg fekk nokon eigen kyrkjeordinans, tilmaala etter norske tilhøve. Reformasjonsverket vart gjennomført etter den danske kyrkjeordinans av 1537/39, - so vidt det daa let seg gjera.

Voni umm aa faa ein serleg norsk kyrkjeordinans tyktest fullstendig sløkt, - noko krav eller ynskje i den leid ser me ikkje meir framsett fraa norsk sida etter Hans Gaas's Danmarksferd i 1558.

Ved sida avdden danske kyrkjeordinansen og dei serlege norske retterbøterne, som var gjevne um kyrkjelege tilhøve sidan reformasjonsaaret, var det framleides kristenrettane ein hadde aa taka til. Enno i 1590-aari kom det fram nye danske kristenretts-versjonar: i 1594 ei umsetjing av den eldre Frostatings kristenrett, i 1598 ei umsett samanmarbeiding av Frostatings og Borgartings eldre kristenrettar, og ikring 1600 eit umsett utdrag or Borgartings nyare kristenrett med stykke fraa den eldre tid<sup>1</sup>.

I ei ny stilling kom spursmaalet um ei norsk kyrkjelov daa det under Christian IV atter vart sett igang ein revisjon av Noregs verdslege lovbok. Den fyrr nemnde revisjon av lovboki 1557 hadde ikkje ført til noko resultat. I 1572 paala Frederik II lagmennenne sunnanfjells aa utarbeida ei ny dansk umsetjing av lovboki istadenfor dei eldre danske umsetjingane som var i umlaup, og i 1592-93 gav regjeringsraadet stadhaldaren og lagmennenne og rikskanslaren i Noreg i oppdrag aa revidera den nyaste danske umsetjing av den norske lovboki, forat ho kunde verta utgjevi i prenten.<sup>2</sup> Men desse tiltak hadde heller ikkje ført til maalet. Og baae gonger var det berre tale um den verdslege lovbok, ikkje um kyrkjeordinansen. Fyrst 10 aar seinare, daa Christian IV sjølv hadde teke regjeringi, vart det aalvor, og tvo nye norske lovbøker kom istand etter hans tiltak, baade verdsleg og kyrkjeleg.

I 1602, daa Christian IV var i Noreg, paala han lagmennene aa koma saman og sjaa igjenom og retta ~~den danske~~ lovboki<sup>3</sup>, deira utkast vart gjennomgaatt av andre lov-kunnige menn (i Danmark) og av kongen

*\* g. umsettja til dansk den norske*



sjølv, deretter på nytt gjennomset av lensmennene og lagmennene i Noreg paa eit møte i Bergen vaaren 1604, og endeleg ved herredagen i Bergen um sumaren same aaret overlevert kongen. Etter aa ha raadført seg med dei danske riksraadere som var med i Bergen og andre gode menn, avgjorde kongen sjølv kva som skulde staa og kva utelatast i lovboki<sup>4</sup>. Med kongebrev fraa Kjøbenhavn av 4. desember 1604 godkjente og kunngjorde Christian IV "den Norske Lov-Bog, offuerseet, corrigerit oc forbedrit". Denne lovbok vart gjeldande til Christian V's Norske Lov 1687, og gjekk for ein stor del over i den.

Under arbeidet med den verdslege norske lovbok er det blitt klaart, at det trengtest ei serleg norsk kyrkjelov. Christian IV's norske lov var Magnus Lagabøters landslov, revidert og umsett til dansk. Men den kristendomsbolk, som den gamle lovboki inneheldt, var ingen kristenrett, ingi fullstendig kyrkjelov, og let seg i det heile ikkje tilskipa til det bruk. Aa umarbeida erkebiskop Jons eller andre kristenrettar, som var blitt umsett, kunde det ikkje godt vera tale um, av di den danske Kyrkjeordinansen av 1537/39 no gjennom tvo mannsaldrar var blitt innarbeidd i Noreg og utgjorde grunnlaget for heile den raadande evangeliske kyrkjeskippnaden. Den danske Kyrkjeordinans hadde no faatt tradisjon i Noreg, og i den lange tid som var gaatt sidan denne framande lov var innført, hadde dei nasjonale kristenrettane mista meir og meir av sin aktualitet og gildleik. Som opphavleg katolske kyrkjelover kunde dei ikkje tena til anna enn viktige hjelpekjelder til aa fylla ut og retta paa fyresegner i den evangeliske kyrkjeordinans.

Den 2dre januar 1604, samtidig med at kongen sette i verk det fyrr nemnde gjenomsyn i Bergen av lovbok-utkastet, gjekk det ogso ut kongelegt paalegg "til bisperne i Norge, en kirkeordinants at lade forfatte". I kongebrevet heiter det, at Christian III's ordinans "ikke aldelis er accommoderit efter de kirkers leilighed som ere

udi vort rige Norge", og det er "tit og ofte av de geistlige udi Norge begjærit, at di med en kirkeordinantse efter det rigis leilighed og nødtørft maatte vorde forsørgt". Kongen hadde no funne det naudsynlegt og raadelegt aa gjeva ut ein trykt ordinans for kyrkja i Noreg, og paala biskopane straks aa begynde at forfatte paa "ein slik" ordinans, som "efter indbyggernis leilighed og formue, det meste <sup>?</sup> eligt er, kan være lempet og gjort, dog at blive hos den danske ordinantse udi de punktern det bekvemmelige kan ske". Deretter skulde biskopane samlast i Bergen 22.april 1604 - samtidig med revisjonsmøtet for lovboki -, og "der indbyrds communicere, hvad enhver forfarit haver, og da endeligen at gjøre it ret opus derav". Det emdelege utkast skulde superintendenten i Oslo M. Anders Bendsøn føra til kongen i Kjøbenhavn, og paa alles vegner "forklare, om nogit fandtes, som betenkende og erklæring fornøden havde".

Dei fire superintendentane i Noreg var alle danskar. Dei var dugande menn og gjekk til si oppgaaava med klar syn for dei krav ho sette. Den lengste røynsla hadde M. Jørgen Erikssøn i Stavanger og M. Anders Foss i Bergen, som kvar i sitt bispedøme - den eine sidan 1571, den andre sidan 1583 - hadde utført eit stort reformarbeid og derunder med mynja hevda dei kyrkjelege interessor andsyneæ verdslege herrar og embetsmenn. M. Isak Grønbeck, biskop i Trondheim sidan 1596, var ein mann i sin beste alder, velstudert og from, men veikhelsa. Yngst i laget var M. Anders Bendsøn Dall eller Dallinus, som hadde vore kgl. hoffpredikant i Kjøbenhavn, fylgde Christian IV paa hans Noregsferd i 1598, og vart Jens Nilssøns ettermann paa Oslo-Hamar bispestol i 1601. M. Anders Bendsøn, som var ikkje so lite av ein lærd teolog, var fyrst og fremst ein mann med praktisk grep, tiltaksam og med sans for realitetar. M.a. innretta han alt i sitt fyrste bispeaar 1601 ein kyrkjeleg eidsprotokoll for ordinandar i sine bispedøme, den var i bruk til 1730.

Det ligg nær aa tenkja seg, at det er M. Anders Bendsøn Dall som

hev teke upp att planen um ein norsk kyrkjeordinans. Han hadde høve til aa koma inn paa denne sak med Christian IV, daa kongen var i Oslo i 1602, og den fyrste revisjon av den norske lovbok fyregjekk i Oslo 1603. Det var M. Anders Bendsøn, som fekk paalegg um aa fyreleggja det ferdige utkast ti kyrkjeordinansen for kongen og munnleg meddela kva som var aa segja um det. Han hev soleis vore rekna for den leidande i ordinanskommisjonen. Der eksisterar framleides eit original-eksemplar av utkastet som hev tilhøyrt M.Anders; det er delvis skreve av honom, og ymse indre merke i utkastet viser at det opphavleg er blitt til i Oslo, og daa maa det vera forfatta av honom.

Utkastet var upaaakta, til eg gav det ut i 1917. Ei gransking av verket viser klaart gangen i arbeidet, som er av stor interesse.

Etter at M.Anders Bendsøn i Oslo hadde motteke kongebrevet, 28. januar 1604, er han straks gaatt i gang med aa skriva utkast til ein norsk kyrkjeordinans. Han hev halde seg nøye til det kongen kravde, at ein sovidt mogeleg skulde "blive hos den danske ordinantse". Forfattaren hev utnytta den samvitsfullt og i det heile uppteke alt som var bruklegt, sovel i ordinantsen som i tillegget, dei 26 Ribeartiklane. Den danske ordinansen var i sin endelege skapnad ikkje noko velordna og heilstøpt arbeid; sume emne var handsama spreidt paa fleire stader, t.d. tilskikking av og opphald for kyrkjelege embetsmenn. I sitt utkast ordna M.Anders innhaldet klaart og oversynlegt, baade i stort og smaatt. Han samla det spreidde, og delte større bolkar i underavdelingar. Derved kom det tvo nye partar til dei seks i den danske ordinansen, nemlig om kyrkjer og kyrkjegardar (III) og um disiplin og kyrkjestraff (VIII). Tilfanget fraa hovudkjeldorne - den danske kyrkjeordinansen og Ribeartiklane - vart i stor mun supplert fraa andre rettskjeldor fraa tidi etter reformasjonen, nemleg kongebrev og rettebøter, av og til kyrkjelege synodalstatutt. Oslo-Hamar bispedømes skipnad med presteeiden for ordinandar vart uppteken. Fraa kristenrettane henta M.Anders fyresegner um tiende-plikti og um bøter for tiende-forsøming, og um gravlegging av lik; han tok dette tilfang

fraa Borgartings-kristenretten som han kjente i det fyrr nemnde utdrag fraa ikring 1600. Dette var alt som utkastet inneheldt av den fyre-reformatoriske kyrkjelovgjeving.

Men hertil kom ei rekkje nye fyresegner og formaningar, som vel skriv seg fraa M. Anders sjelv og er aa rekna for hans eige tilskot til det nye kyrkjelovutkastet. Kompilasjonen er sers umhugsamt utført, og innhaldet som er henta fraa fleire ulike kjeldor er vel ihopsett. Mange av kapitli er innleidt med gode aalmenne motiveringar for dei fylgjande lovreglane. Og ved ei skynsam språkleg avpussing hev lovteksti fenge ein heilstøpt karakter, soleis at ein ved lesnad ikkje merker, for eit mosaikkarbeid det er.

Med sitt ferdigskrivne utkast møttest M. Anders Bendsøn 22. april 1604 i Bergen med sine embetsbrødrar, M. Isak Grønbeck i Trondheim og M. Anders Foss i Bergen. Det er ukjent kva dei hadde gjort av fyre-arbeid, men paa den korte tid dei hadde havt sidan kongebrevet kom deim i hende, 14. februar og 15. mars, hev dei vel nøgt seg med aa forfatta merknader ved den danske ordinansen. M. Jørgen Erikssøn i Stavanger kunde for alderdom og skrøpeleg helsa skuld ikkje gjera reisa til Bergen, men innsendte sine "skriftlige documenter"; han hev ikkje, som det vanleg vert sagt i den historiske litteratur, vore med paa måtet i Bergen, og døydde same aar.

Til grunn for det endelege utkast til ein norsk kyrkjeordinans vart biskopane samde um aa leggja M. Anders Bendsøns framlegg. Det vart gjort ymse mindre rettingar i det, og dessutan 65 større og mindre innskot. Nokre av desse var stykke i den danske kyrkjeordinans og andre kjeldor, som M. Anders hadde gaatt framum. Men det meste var nytt, iser slikt som ein kan skyna skriv seg fraa dei røynslor superintendentane hadde gjort i si verksemd. Desse tillegg er soleis, iallfall for størstedelen, det tilskot, som superintendentane i Trondheim, Bergen og Stavanger hev ytt til ordinansutkastet; nokre av dei umtalar misbruk i Nordland og Bergen.

Den 11. mai 1604 var utkastet ferdigt. Og med fylgjeskriv dagsett

19.mai vart det innsendt til kongen. Eit viktig arbeid var hermed fullført. Det heiter høs ein gamall forfattar, at superintendentane "med største Lyst og glad Nidkierhed for Guds Ære forrettede det, paa det at en og anden Misbrug som sig hafde indsneget, siden Pavedømmet at Riget var blevet udryddet, kunde blive afskaffet"<sup>5</sup>. Utkastet var utarbeidd i kjærleik til kyrkja og med tanke einast paa det som kunde tena til hennar beste. Forfattarane segjer sjølv, i fylgjebøvet til kongen, at dei vil paastaa "for Gud allermegtigste, intet av oss udav egensindighed eller privat affekter, nogen personer bøie eller luve til præjudicium eller <sup>?</sup>nåddel, at være skrevet, men altsammen av christeligt hjerte og forset, til Guds ære, menighedens opbyggelse, og en god ordning i kirken, at være antegnet".

Naar biskopane hev funne ei slik orsaking turvande, maa det vera? fordi dei hev rekna sitt utkast for noko av eit vaagestykke. Det som var overteke i utkastet fraa den danske kyrkjeordinansen, var stert umskipa og umarbeidd. Og der var gjort framlegg til ei rekkje nye fyresegner som ein kunde venta vilde verta møtt med kritikk og kanskje med avslag.

Den lagnaden utkastet fekk, viser, at det kgl. danske kanselli fann utkastet for sjølvstendig, for mykje avvikande fraa den danske ordinanser og for vidtgaaande i fleire leider. Den umhugsame utnytting av det danske kjøldetilfanget var ikkje i augefallande nok til at utkastet fekk passera. Og dei mange nye reformframlegg, so tenlege og paakravde dei var i og for seg, maatte, um dei alle var blitt godkjent, ha medført, at den danske kyrkjeordinans var blitt revidert i same leid.

Utkastet var utarbeidd paa vel 3 maanader. Det gjekk over 3 aar, fyrr den norske kyrkjeordinans vart utferda av kongen, 2.juli 1607. Men det var ikkje det norske utkast, med større eller mindre brigde, som kongen godkjente. I røyndi var det i desse tre aar i kanselliet utarbeidd eit heilt anna lovverk; det fylgde den danske kyrkjeordinans nøgje, i inndeling og i tekstform, og supplerte den med eit utval av

dei fyresegner som det norske utkastet inneheldt ut over den danske ordinansen, og dertil med nokre faa nye artiklar.

Det er overlag forvitnelegt aa granska det norske kyrkjeordinans-utkastet fraa 1604 nærare, gaa etter kjeldorne, og jamføra utkastet med den endelege ordinansen fraa 1607. Utkastet fraa 1604 gjev eit bilæte av visse sidor av den historiske utvikling ved enden av den norske reformasjonsperioden. Ikkje alt som var aktuelt dengong reformasjonen fyrst vart vedteken og den danske kyrkjeordinans skriven, var det no lenger. Den evangeliske kyrkjeskippnaden var no grunnfest, Men det nye kyrkjeliv hadde framkalt andre vilkaar, medført nye vanskar og reist nye krav, samtidig som dei serlege norske natur- og samfunds- og livstilhøve var dei same. Gamle misbruk var avtekne ved reformasjonen. Men nye misbruk kom upp i staden. Heilt uturvande var no lovreglar um klostermenn og nonnor, um tiggarmunkar, um aa leggja vikariegods ved domkyrkjor til fattigkista, um formaningar til folket at dei ikkje skal gjeva sine milde gaavor til messor, munkar, for sjæler, avlat, pilgrimgong o.a. men til dei fattige.<sup>6</sup> Alt dette fall burt i utkastet, sovelsom i ordinansen 1607.

Vidare utelet utkastet av 1604 paabodet um tidesong av prestar i domkyrkjorne og av munkar i klostri,<sup>7a</sup> paabodet um aa taka burt o~~t~~ kyrkjorne helgenbilæte som vart dyrka med tillaup langveges ifraa,<sup>7b</sup> fyreskrifti um undervisning av dei som ikkje torde eller vilde taka altarsakramentet sub utraque specie,<sup>7c</sup> fyreskrifti um rettslegt forbik for manndrap smom vilkaar for kyrkjeleg absolusjon,<sup>7d</sup> stadfesting paa dei privileg prestar og deknar hadde under dei katolske biskopane,<sup>7e</sup>

Enndaa desse lovreglar no var lite eller ikkje aktuelle, serleg i Noreg, let ordinansen 1607 deim staa.

Ordningar som var sereigne for Danmark, vart forandra etter norske tilhøve.

Samanlegging av fleire mindre sokner til eit prestegjeld var det ikkje bruk for i Noreg, og fyreskrifti um dette i den danske kyrkjeordinansen fell burt.<sup>8</sup> I vaart land maatte det heller vera spursmaal

um deling av dei store prestegjeld, serleg i Nord-Noreg. Og kongen paala superintendentane spesiflet aa vera merksame paa denne sak i sitt utkast. Etter deira framlegg upptok difor den norske ordinansen 1607 ein regel um deling av embete og utførlege fyreskrifter um effektiv kapellantenesta.

Vidare vart dei danske reglane for tiende-ytingi umbytt med reglar som motsvara norske tilhøve.

Fyreskriftene i den danske ordinansen um tenarskap hjaa superintendentane og um deira løn fall burt. Utkastet sette ikkje noko nytt i staden. Til gjengjeld gav ordinansen 1607 stadfesting paa det gods som var lagt til dei norske bispestolane.

I stadenfor bispeval gjennom kjøpstadsokneprestane i stiftet - ein skipnad som kunne høva i Danmark, men paa ingen maate i Noreg - fyreslo det norske utkastet, at biskopane skulde veljast av dei residerande kanikar i stiftsstaden saman med dei nærmaste prostane, og denne regelen vart lovfest i ordinansen.

Umvendt heldt det norske utkastet fast ved fyreskrifti i den danske ordinansen, at bispevigsla skulde fyregaa i stiftsstaderne. Men den norske kyrkjeordinansen 1607 lovfeste den praksis som hadde vore sidan reformasjonen, at biskopane skulde vigjast i Kjøbenhavn.

Aa gaa inn paa utnyttingi av indhaldet i den danske kyrkjeordinans av 1537/39 og seinare rettskjeldor i det norske kyrkjeordinansutkastet av 1604 kunde ikkje ha liten interesse. Utkastet gjorde mange modifikasjonar, mindre og større, i det tilfanget det tok upp fraa den gamle ordinansen. Og utkastet hev langt sterkare enn tilfellet vart i ordinansen fraa 1607 utnytta etterreformatoriske rettskjeldor. Det vert likevel her ikkje høve til aa gjera nærmare græida for desse sidor.

Viktigare er det aa granska det nye stoffet som utkastet fraa 1604 inneheld, og sjaa kor mykje av det som fekk plass i ordinansen 1607.

Det nye tilfanget i det norske ordinansutkastet fraa 1604 er fyrst og fremst fyresegner som skal avhjelpa misbruk og retta paa mishøve, -

andre stykke inneheld pastorale forskrifter eller formaningar - andre igjen praktiske ordningar paa ymse umraade, - for ikkje aa gløyma dei motiverande innleidingar til einskilde kapitel.

I alt dette møter ein det mest karakteristiske og verdfulle ved ordinansutkastet, her er det at reformaandi i vaar kyrkja paa den tid gjev seg utslag, - og det eit energisk og overmaate tiltalende utslag.

Fyrste bolken, "om lærdommen", som i den danske ordinans var ganske kort, er her utvida til aa bli den største og fornemste, idet stoffet um preika og um kyrkja sine tenarar er overført hit og det helle sterkt utfyllt, serleg i det sistnemnte emne.

I kapitlet "om prædiken eller lærdommen" er innteke nye fortreffelege fyreskrifter imot uskikkar som skjømte den tids preika - private affekter ostendenrande lærdom, hyklari - , søvelsom raad um citering av dei gamle kyrkjelærarar og av filosofiske sentensar , i preika. Hertil kjem, i eit seinare kapitel um høgnessa, ei nyttig fyreskrift um planen for preika. Inkje av dette fekk rom i ordinansen 1607, som derimot upptok ein annan ny artikkel fraa utkastet, nemleg forbod mot helgenlegender. Sanne sogor um bibelske heilage var framleides lovlege, som i den danske kyrkjeordinansen. "Men løgnactige eller tuifflectige legender oc jertegn, som kand vere om S.Oluff. S.Knud, eller andre saadanne helgene, opskreffne eller tilsammensatte, maa ingen føre paa Predickestolen, uden hand vill derfor haardelig straffis. Thi det er til ingen ting nyttigt, uden at føre enfoldige folck, udi vildfarelse oc vantro"<sup>10</sup>.

Under sakramenti vert understreka, at avløysingi skal vera innleiding til ein ny livnad.<sup>11</sup> Og ved barnelærdomen vert det m.a. paalagt foreldri aa halda borni til kyrkja for aa tileigna seg denne kunnskap, og daa øva deim i barnelærdomen heime. Og prestane vert tilraadt aa halda serlege sundags-overhøyringar med ungdomen i kyrkja<sup>12</sup>. Men inkje av dette fekk plass i ordinansen 1607.

I det store og viktige fjorde kapitlet i denne fyrste bolken, um



prestane, deira tilsetjing og vilkaar, som igjen er delt i fleire serlege stykke, merker me oss dei ypparlege motiverande innleiingar<sup>13</sup> - som ordinansen av 1607 ikkje hadde bruk for.

Kapitlet um <sup>5</sup>pretane var det vanskelegaste av alle i den evangeliske kyrkjeskipnaden. Sidan reformasjonen var det her kome upp fleire nye misbruk og uskikkar enn paa noko anna umraade, og raadbøter var turvande i mange leider. Kraftig og fyndig tok utkastet av 1604 til orde imot den uskikk at prestekall vart rekna for arvelege: "Ingenhende maa mand heller mene..."<sup>14</sup>

Ordinansen 1607 upptok visstnok ikkje denne aatvaring, men fylgde - som straks skal umtalast - utkastet i aa gjeva slike lovfysesegner um kalling av kapellan, som kunde trygda kallsretten aat soknefolket og godkjenningsretten aat biskopen og hindra nederving av prestekalli.

Derimot fylgde ordinansen 1607 ikkje utkastet, daa det gjekk vidare og fyreslo andre fyresegner for aa trygda ei kyrkjeleg prestekalling: at ingen verdsleg embets- eller befalingsmann skulde kunna presentera kandidatar til presteembete; at adelsmenn ikkje skulde ha privilegert kallsrett, men berre reknast for dei beste menn i sokni; at dei sju soknemenn med prosten skulde mista sin kallsrett for alltid, um dei misbrukte han; at prosten ikkje maatte vera med og utferda kallsbrev for sin eigen slektning, men ein annan prest i hans stad<sup>15</sup>.

Utkastet fyreslo vidare den regel, at ingen prest utan vidare maatte taka seg til aa utføra kyrkjelege forretningar i annan prests sokn - saki hadde nemleg ei økonomisk sida og framkallte stadig trætta millom prestane. Og i samsvar med det raad Sjællands biskop hadde gjeve biskop Jens Nilssøn i 1580, fyreslo dei norske biskopane i 1604, at ingen sokneprest skulde kunna søkja eit anna embete, men bli i sitt kall, kor ringt det var, til han vart retteleg kalla til eit betre; aa byta kall "for timelig fordel skyld" rekna dei for simoni, - at "gjøre it kremmeri av det hellige Ministerio"<sup>16</sup>. - Ordinansen 1607 upptok den fyrste av desse fyreskriftene, men ikkje den andre.

"Om Capelaners Kald" fyreslo utkastet 1604 ei rekkja gode fyresegner i eit serskilt kapitel, som uavkorta fekk rom i ordinansen 1607:

Ingen sokneprest som klarte sitt arbeid aaleine, skulde taka kapellan for sjølv aa leva "udi ørkeløshed og vellyst"; var gjeldet for stort, skulde kongen dela det i tvo. Soknepresten maatte ikkje halda kapellanen heime hos seg nokon sundag eller helgedag, so anneksi derved vart forsømt. Ingen presteson maatte faa kall paa sokni aat far sin, medan faren levde. Ingen prest skulde faa taka til kapellan sin son eller nokon som han tenkte aa faa til verson. Og i fall presten friviljug tok avskil fordi han ikkje lenger makta aa skøyta embetet, skulde bønderne kalla hans ettermann. Desse tri sistnemnde fyresegner bygde paa kongebrev fraa 1595 og 1597 som fyrr er untala. - Andre fyresegner i same kapitlet forberta vilkaari aat kapellanane, som i den tid ikkje var so serleg gilde: Kapellan skulde kallast med ordentlegt kallsbrev, som fastsette hans løn og trygda honom mot aa verta uppsagt. "Den Lettferdighed..."<sup>17</sup>

Soknepresten maa ikkje utan verkeleg grunn "forskjude" sin kapellan. Paa den andre sida hev kapellanen ikkje krav paa at biskopen skal hjelpa honom til ny tenesta, um han utan skilleg aarsak sluttar den han hev. Heller ikkje maa biskopen trengja kapellan inn paa nokon sokneprest, med mindre presten forsømer sitt embete; er det tilfelle, skal han halda kapellan, eller mista gjeldet. "Men eller bør det at være..."<sup>18</sup>

I stykke um ordinasjon av prestar upptok utkastet 1604 fyreskrifti i fundatsen for kommunitetet ved Kjøpenhamns universitet 1569, um nokre aars universitetsstudium for aa kunna verta prest, med testimonium fraa rektor for dei som studerte i Kjøpenhamn, eller testimonium fraa det teologiske fakultet i Kjøpenhamn for deim som hadde studert utanlands. I ordinansen 1607 vart denne fyresegn forkorta soleis, at læreprøva for utanlandsstuderande fall burt og det krävdest i baae fall berre rektors-testimonium fraa vedkommande uni-

versitet<sup>19</sup>.

Dei norske superintendentane fann det naudsynlegt aa skipa ei fast ordning med innanlands prøving av ordinandane. Dei vilde ikkje lata seg nøgja med akademiske testimonier, utan aa granska nærmare livnad og kunnskaper hos presteemni. "Udi Norge ankommer mange fremmede Personer, om huiss fremfarne handell mand ikke kand haffue saa ret god oc viss kundskab"<sup>20</sup>. Og "der befindis vell undertiden, at end ocsaa de som liden god flijd haffue anuend udi deris Studering, faa dog skøne kostelige Testimonia at løbe med, paa det (maa skee) att de udi Universitetit en sinde kunde bliffue aff med thennom udi den beste Mening"<sup>21</sup>. For det fyrste skal difor namnet paa vedkommande kunngjerast nokre gonger fraa preikestolane, so ein kann faa kjennskap til hans rykte, 2) skal han framstella seg for biskopen privat til prøva i latinsk spraak, - og um han staar seg i desse prøvor, 3) skal han preika offentleg i Domkyrkja over ein tekst, for biskop, kanikar, prestar og kyrkjelyd, og 4) underkastasseg examen publicum i teologi for biskopen med tilkallte assessorar; deretter kan han ordinerast. Ogso naar kapellanar vart kalla til sokneprestar, skulde dei eksaminerast av biskopen; "thi en part, saa snart som de ere ordinerede, begiffue sig fra Studering till Kløbmandskab, eller oc lediggang, oc findes siden meget groffuere udi lærdom, end den dag de bleff ordinerede"<sup>22</sup>.

Ordinansen 1607 upptok ingen av desse fornuftige forslag, men let seg nøgja med den korte fyreskrift i den danske ordinansen um overhøyring av ordinandar<sup>23</sup>. Derimot gav den norske ordinansen rom for eit forbod som utkastet av 1604 inneheld mot den iskikk - "som her till brugeligt haffuer været" - at ordinanden heldt stort gilde med tilføre av sin ordinasjon: Naar nogen Ordineris, da maa det ingenledis tilstedis, at han oplegger den Dag eller strax der efter nogen Tønder Øll, binder Gester, oc holder nogen sliig Paneket, udi Druckenskab oc offuerflødighed/ thi saadant er mere at fortørne oc vanære Gud, end at tacke oc ære hannem for sin Nadige for fremmelse<sup>24</sup>.

I ordinasjonsritualet vart det ikkje gjort nemnande forandringar. Utkastet av 1604 fyreslo, at presteordinasjonen skulde kunna haldast i ei av landskyrkjorne, um superintendenten var paa reisa. Men noko slikt undantak fraa regelen - at ordinasjonen skulde skje i domkyrkja, - vart ikkje lovfesta.

Forutat truskapseiden til Kongen, som den norske kyrkjeordinans upptok fraa den danske, fyreslo utkastet 1604 ogso innført ein serleg, skriftleg ordinasjonseid, etter den form som var brukleg i Oslo, - serskilt for sokneprestar og kapellanar. Eiden skulde underskrivast dagen etter ordinasjonen i eidsprotokollen ved bispestolen, og ordlyden eigenhendig utskrivast av ordinanden, so han kunde hava han fyre seg til "daglig paamindelse".

I denne eid gav ordinanden fraaseg um aa vera kalla paa lovleg vis, utan simoni eller "hemmelige praktiker", og han lova 1. aa utføra prestetenesta i samhøve med ordinansen, 2. aasky vrang læra, 3. aa studera flittig i den Heilige Skrift og i gode bøker, 4. aa føra ein sømeleg livnad, 5. aa vera lydig mot superintendenten og prosten, 6. aa umgaaast alle menneskje ulasteleg, serleg sine embetsbrødrar, 7. sjølv aa utføra sine embetsplikter og ikkje leggja dei paa andre. Istadenfor det siste punkt lova kapellanen aa nøgja seg med sitt ringe kall "og aldrig med nogen Underfundighed begiære min Sogneherris Bestilling".

Vidare skulle superintendenten utferda vitnemaal um ordinasjonen "paa det att ingen skall giffue sig ud for Præst att være som icke er Ordinerit". Den som det gjer, skal straffast av kongens befalingsmann.

Likeeins fyreslo utkastet streng kontroll med "alle Chreke, som løber Landet igennem, giffuendis sig ud for Studenter, Degne, eller andett saadant' oc disse mellom gjør løgnacteligen fattige enfoldige Folck vijst paa, att de kunde Raad och Schriffuelse, for allehonde Breck, som enten Folck eller Buskab kand tilslaa"<sup>25</sup>. Dei skal heftast av kongens futar og lensmenn og skikkast til nærmaste slott eller

kongsgard og straffast.

Ingen prest eller dekn skulde faa reisa til eit anna stift utan skriftlegt løyve av prosten, for at dei ikkje skulde haldast for "lætferdige Landstrygere"

Men korkje ordinasjonseiden eller dei andre fyreskrifter fekk rom i ordinansen 1607.

"Om Præsters oc Capellaners Løn oc Underholding", som i so mange stykke maatte skipast annarleids i Noreg enn i Danmark, fyreslo utkastet ikkje mindre enn seksten nye artiklar. Av dei vart ikkje meir enn fem godkjende.

Vedrørende kjøpstadprestar gjorde utkastet fylgjande nye framlegg: Kyrkjevevjer ved domkyrkjor med kapitel skulde vera ein av capitulares og ein av borgarskapet. - Ifall inntektene aat kyrkja ikkje rakk til, skulde borgarmeister og raad med "Menigheden" (d.v.s. kommunen) halda vedlike prestegardar eller skaffa prestane husleiga. "Thi skulle de vere Hospitales, da maa de endelige haffue Hospitium. Det er: Skulle de laane gierne Huus, da mue de først selff haffue Huus oc Voning". Det skulde vera straff for aa nekta kjøpstadprestane høgtidsoffer. Forutan aarsløn etter gamall skikk skulde dei ha avgifter for brudvigsla, innårgang og gravlegging. Aarsløni til prestane skulde dei borgarlege myndigheiter utlikna og oppkrevja. Kapellanar skulde ha einfast avtalt del av sokneprestløni, - utkastet fyreslo ein tridjedel. "Thi en Capellan er ikke mindre en Gudtz Ords Tjænere, end en Sokneprest: Oc bør derfor icke at ansees eller brugis som Sognepreæstens Fæbindere, hui~~l~~cken hans skall jage naar hannem lyster, till huus Arbeid som hand icke selff lyster att haffue". -Av alt dette upptok ordinansen 1607 berre regelen um avgifter for kyrkjelege forretningar attaat aarsløni.

Vedrørende landsprestar samtykte ordinansen i aa lovfesta plikti aat aalmugen til aa byggja tri hus paa prestegardane, "en Borgestuffue, en Herre Kammer, oc en Stald". Dette var, heiter det i utkastet, "gammell Laug oc Landeret udi vort Rige Norge", og plikti

var fornya i 1550 og 1552 av Kongen for Oslo-Hamar og Trondheimes stift<sup>26</sup>. Ordinansen avgrensa lovbodet til "nogle Stæder", "huor det aff Arildstid haffuer verit sedvanligt". Utkastet motiverte fyresegni, likesom ved kjøpstadprestegardane, med skyldnaden aat prestane til aa vera gjestfræ; dei fleste ferdafolk i riket, heiter det, "søger allermest til Præsterne, at de skaffe dennom Mad oc Øll, Huus, Herberge oc Stalderom". Denne motivering hadde ordinansen ikkje bruk for, men upptok etter utkastet forbod mat ting, krambuder og ølsal ved prestegardane, - ein uskikk som det oftare hadde vore klaga over og skride inn imot etter reformasjonen.<sup>26a</sup>

Um inntektene aat landsprestane fyreslo utkastet 1604 fleire rett vidtgaaande forbetringar: Der det ikkje var so rikleg korndyrking, skulde ~~pa~~ aalmugen svara aarstiende av "Smør, Ost, alle slags Fisk, Hømble, Salt, Hør, Hamp, Roer etc., Erter oc andet hva den Landtz Ort oc Leylighed giffuer, End ocsaa udi the Stæder oc Gield, som saadant icke sedvanligt haffuer verit", og den som ikkje svara, maatte venta seg Guds vrede og kongens straff. - Ordinansen nøgde seg i tilfelle med aa lovfesta tiende av smør, fisk, "og andet som de pleyer"<sup>27</sup>. - Utkastet fyreslo vidare innført fetiende ("kvegtiende") til presten likesom i Danmark. - Umfram fisketienden burde fiskarar, som ikkje hadde lært anna arbeid, godviljug fiska ein dag eller ei natt for presten paa hans kost<sup>28</sup>. Tienden skulle uppberast paa ein viss stad, til ei viss tid, og i nærvær av alle tiende- mottakarar (for prest, kyrkja og konge). - Um offertoll fyreslo utkastet, at gamall sedvane og retterbøterne skulde stadfestast; sedvanen, som var i bruk "mangestedtzt", var slik, at presten sjølv skaffa soknefolket offerpengar, naar det skulde ofrast, og dei gav honom sidan istaden "anden Vahre, Korn, Skind, Smør, Sparrer, Bord, eller anden Offertold, effter som landet formaar"<sup>29</sup>.

Ordinansen godkjente ei fyresegn um, at paa lange og faarleige embetsreisor skulde presten ha skyss av dei som trengte hans hjelp,

men ikkje at bønderne skulde gjeva honom herberge og kost paa slike reisor.

Til slutt fyreslo utkastet eit strengt paabod um, at prestane skulde lata seg nøgja med det som deim tilkom etter retterbøterne, men um nokon klaga over lovi, mista sitt kall, og at aalmugem skulde svara det dei plikta etter retterbøterne, og um nokon gjorde opprør mot øvrigheiti og prestane, ha forbrote sin fred og eidedom. - Lovreglane i retterbøtene um innkoma aat prestane skulde prentast bak i kyrkjeordinansen, og upplesast for bønderne paa vaapentingi. - Desse fyresegner kom ikkje inn i ordinansen 1607, men til gjengjeld ei fyreskrift um kor mykje presten skulde ha for brudevigsla, inngang og jordeferd.

Av dei utførlege fyreskrifter i utkastet 1604 um enkjor og born etter landsprestar upptok ordinansen tvo, nemleg at enkja skulde uppebera alle embetsinntektene i eit fullt aar (annus gratiæ) og i denne tid løna kapellan, - og um der dessimillom vart kalla ny sokneprest, skulde han reknast for kapellan hjaa prestenkja ut naadeaaret og tena for kapellanløn<sup>30</sup>.

Dei andre fyresegner i utkastet, som ikkje vart nytta i ordinansen, galdt eventuelt ekteskap millom den nye soknepresten og enkja eller dotteri til den fyrre; hans kapellanstilling, ifall enkja flutte innan aaret; hans innløyising av prestegardsavlingi; utlegging av enkesæte av prestebordsgodset eller um naudsynlegt av krongodset; retten aat presteenkja, paa enkesætet som enkja eller som umgift, eller um ho flutte til kjøpstad<sup>31</sup>.

"Om Præster at forsvare" fyreslo utkastet fleire nye gode lovreglar, men ingen av dei kom inn i ordinansen. Dei gjekk ut paa: At kyrkjeverjorne saman med prosten skulde vera forsvar for prestane til tinge og for øvrigheiti. At bygselavgifti av prestebordsgods ikkje skulde fraavendast presten av bønderne. At presten skulde ha bygsla av gods som presten og kyrkja aatte like mykje i. "Thi der maa jo

Være skilsmisse emellom it Steen eller Thræhuuss ... oc en Leffuendis, Erlig lærd oc Gudfryctig Prestemand, som tiener Menigheden till enig saligheds nytte oc forfremmelse. Oc bør der for SognsPræsten Udi saadan fald høyre end ... Kircken ... at ansees"<sup>32</sup>. At det som høyrer til inventarium ved prestæmbetet - korn, husdyr, innbu - ved presteskifte ikkje maa fraavendast den nye presten. - At rettsaker vedrørende prestemenn ikkje maa fyrehavast ved verdsleg domstol, fyrr dei var hanhavt av superintendenten og provsten<sup>33</sup>. - At gamle veltente prestar ikkje skal avsetjast "for sin Alderdom eller skrøbelighed" utan livsupphald, men faa kapellan og sitja i embetet<sup>34</sup>.

I stykket um livnaden aat prestane skjerppte utkastet fyreskrifterne i den danske Kyrkjeordinans. Det var ikkje nok aa forby prestane aa halda drankerhus, dei maatte enn mindre halda ølsal og kro<sup>35</sup>. Det var ikkje nok aa paaleggja prestane anten aa leva kysk eller aa gifta seg, - det var naudsynlegt i sistnemnde fall aa krevja at dei skulde "tage sig erlige uberøctede hustruer"<sup>36</sup>. Utkastet tok opp kongebrevet av 1593 mot "Druckenskab, Horeri oc andre saadanne groffue Laster" blandt prestane, men hertil la dei ei aatvaring mot aa leva i tretta og aa ha med verdslege rettsaker aa gjera. - At dette fekk rom i ordinansen 1607.

Siste stykket i kapitlet um kyrkja sine tenarar i utkastet 1604 var "om Sognedegne". Dette var det veikaste punkt i det norske reformasjonsverket, og stykket vert difor innleiddt med desse ord som ordinansen upptok: "Efterdi der findes en stor oc ulidelig mangel, udi vort Rige Norge, paa Sogne Degne, saa at imod der er it Giæld, som haffuer Sogne Degn, da er der mange - utkastet: fempten - som ingen haffuer, oc hvor som de end skønt kunde bekomme nogen, som ville tiene for Sogne Degen, saa haffuer hand dog hvercken Hus eller Vaning, oc derfor søger hver sin Vey til Næring", - so vil daa kongen at der skal skaffast "degnebolig i alle prestegjeld". Hovudregelen, som fyrst var fyreskriven i Ribeartiklane 1542, var at stiftsbefalingsmennene skulde leggja ut bustader til deknane



av egedomen aat kyrkjorne, eller "flye thennom Raadt y andre made". Utkastet 1604 fyreslo, at ifall kyrkjorne ikkje formaade, skulde dekne- bustad tilleggjast av krongods; det gjekk ordinansen 1607 inn paa, men berre "for festing". - At latinskulane skulde ha rett paa dekne- embeti i dei nærmaste sokner til sine disiplar, var ein skipnad som etter den danske kyrkjeordinans av 1537/39 var blitt vanleggi Danmark - soleis hadde 25 sokner kring Ribe deknar<sup>a</sup> fraa Ribe skule -<sup>37</sup>, og det norske utkastet av 1604 tok upp ein tilsvarande regel, men han vart stroken i ordinansen av 1607. - Det vart fastslaatt at biskopen og prosten skulde prøva den som soknepresten med seks soknemänner kalla til soknedekn, og at soknedeknane ikkje maatte reisa burt utan samtykke av øvrigheiti. - Derimot samtykte ikkje ordinansen i det nyttige framlegg i utkastet til ein skipnad med løn til deknar i smaa kjøpstader, leseskular dei skulde halda, og hjelp av kongen til slike skular.

- Den samanlikning som her er gjennomført millom utkastet av 1604 og ordinansen 1607 i fyrste bolken, gjev til resultat eit hovud- drag, nemleg at ordinansen reduserar nye framlegg som vil betra økonomien aat kyrkja sine tenarar paa kostnad aat bønderne, borgarane og kongen, styrkja deira rettslege stilling, og tryggja rettigheter med straffe- midlar, - med andre ord, utkastet er i sterkare mun kyrkjelegt, um ein vil, klerikalt, enn K.M.s ordinans. - Hertil svarar det ogso, at ordinansen ikkje hev den same interesse eller sans som forfåttarane av utkastet for ordningar av meir pastoral karakter, eller for fyre- skrifter som gjeld praktiske detaljar.

Andre bolken i utkastet av 1604, "om Ceremonier", vert innleidt med nokre prinsipielle merknader, som gjev uttrykk for det reformatoriske syn paa liturgiske ordningar. - Bolken blir i utkastet avgrensa til tolv kapitel um liturgiske og pastorale handlingar; kapitli um preika, um kyrkja sine tenarar, og um kyrkjedisiplinen er overført til andre bolkar.

Utgangspunktet er, at kongen i 1569 hadde fyreskrive at alle kyrkjelege

ceremoniar i baae rike skulde fylgja Vaar Frue kyrkja i Kjøbenhavn som fyrebilæte, men - som utkastet segjer - ikkje alle norske prestar hadde set Kjøbenhavn eller gjeve so nøgje akt paa skikken i Vaar Frue kyrkja. Difor er det daa, at utkastet framstiller ceremoniane m.v. Det skjer klaart og greidt, betre og tydelegare enn i den danske kyrkjeordinansen; fyreskriftene i den er meir og mindre umarbeidt og utvida i utkastet.

Dei liturgiske kapitli i utkastet kom likevel ikkje vidare til nytte i den norske ordinansen av 1607; der vart dei liturgiske fyreskrifter i den danske ordinansen upptrykt forendes uforandra sogodtsom heile vegen, - berre med det gjennomførte brigde, at "dansk" overalt vart umbytt med "norsk". Det var serleg i kapitli um brudvigsla, daap og jordeferd, at ordinansen av 1607 tok upp noko nytt fraa utkastet.

Me vil her merka oss det viktigaste av dei nye fyreskrifter.

Kapitlet "om Børnesang udi Kirckerne" - dei kanoniske tider som skulane heldt uppe - , er heilt nytt, men vart ikkje brukt.

I liturgien for høgnessa gjev utkastet nærare fyreskrift um innhaldet av den aalmenne kyrkjebøni. Der skal bedast for kongen, og for evangelii framgang, - i den danske kyrkjeordinansen heitte det: "for det reene Guds ordz frij framgang"; at ordet "fri" ikkje lenger var turvande, er merke paa, at evangeliet no hev sigra fullt ut. Vidare skal det "gløres Bøn for Rigens Raad, for Kong. Lensmend: For Ecte Folck. Huor oc kunde Naffngiffues, om nogle ere som skall liuses for till Ecteskab: Eller ocde som den dag ere Brud Folck. For Siugelige Danequinder; for dem som ere paa deris Rettferdige Reyse, For Sorrigfulde oc bange samvittigheder: for Siuge oc Skrøbelige, oc hues mere Nød oc Trang som den Tijd for haanden kand være". - Etter kyrkjebøni skal presten, naar der er altargang, formama folket til aa bliva tilstades til messa er slutt; og om der ingen kommunikantar er, skal han minna deim um kor det er daarleg og ille gjort aa forsøma nattverden. Det normale reknast soleis aa vera altargang ved kvar høgnessa. - Um bruk av orgel i kyrkja heiter det, at biskopen

og soknepresten skal "giøre en Ordning der paa, Huormegit oc hvad Orgelmesteren skal leege. Paa dett hand hvercken skall indblende nogen forfengelighed. Ey heller Prædicken eller anden fornøden Kircketiæniste ved hannom skall forhindres. Eftterdi hver mand hand haffue Undervisning oc gaffn aff dett som Prædickes oc siunges. Men icke hver mand kand forstaa hvad der legis paa Orgelet, ont eller gott, Nyttigt eller Unyttigt"<sup>38</sup>.

Framleides fyreslo utkastet ei rekkja serlege fyresegner um tolvpreika, aftansongspreika, vikepreikor, og ritual for vikebededagane og dei aalmenne bededagane<sup>39</sup>.

For skriftemaal vilde utkastet ha tvo tider i viki, mot fyrr ei, nemleg i byane ikkje berre laurdagsaftan, men ogsø onsdagsaftan, paa landet ikkje berre sundagsmorgon, men ogsø laurdagsmiddag. - Paa landet burde folk ikkje "komme slengendis (til skrifte) udi haabetall lijge som Faar løber till Vand", men fraa nokre gardar kvar helg etter ein viss orden. - Det skulde vera prestane forbode aa taka pengar eller forøring av dei som gaar til skrifte. Denne regel vart uppteken i ordinansen 1607, men ikkje noko av det andre som her er nemnt.

I kapitlet um helgedagshald gav utkastet 1604 paalegg til prestane aa formana folket til aa bruka sundagen til Guds æra og si sjels frelsa, med aa høyra Guds ord og beda, og aa halda seg fraa arbeid og fraa kro og ølhus. Ordinansen 1607 innførte pengestraff etter lovi (3 mark) for "Hellebrøde" med "Igt eller Arbeide" paa lovbodne heilagdagar

Kapitlet um truloving og brudevigsla var i utkastet utvida med nye gode fyresegner. Presten skal undervisa dei unge um fire vilkaar for ei kristeleg truloving: at ho skal vera "Gudfryctig, Høffuisk, Frij oc Uforfalsked", og forbjoda deim aa søkja seg saman fyre brudlaupet. - Det skal vera streng straff, med pengebøter og kyrkjedisiplin, um ei brud kjem for tidleg i barselseng. Presten skal ikkje trulova eller vigja andre enn sine eigne soknefolk; at nordlendingane fer til Bergen og held brudlaup, vert halde for ein uskikk. - Verdsleg øvrigheit skal halda uppsyn med utilbørleg overflod i brudlaupsgilde.

Brudesengs-vigsla - ein gamall katolsk skikk - skal vera forbodi<sup>40</sup>.

-Alt dette fekk rom i ordinansen.

Ved barnedaap skal barnet "blottis, indtill nedre paa Skuldrene. Paa dett mand kand see sig for, att Ingen Troldom eller Dieffuels" Konster der under skiulæs, Oc visseligen forfare om det er it leffuendis Barn eller icke". - Vert noko barn heimedøypt av presten med fulle ceremoniar og fadderar, trengst der ikkje stadfesting i kyrkja; men slike undantak fraa ordinansen bør ikkje skje. - Til fadderar skal ein ikkje beda unge uforstandige born, eller folk som lever i vitterlig synd eller som er sikta for noko brot. - Dette vart ikkje uppteke i ordinansen, derimot ei ny fyreskrift um aa gjera skil paa ekte og uekte born ved daap i kyrkja. Erlege ektefolks born skal døypast fyre preika, men hore- og skjøkje-born etter, og der skal gjerast formaning um slik forargeleg livnad, baade i preika og i tiltalen til fadderane. - Det var ein uskikk aa beda mange fadderar; talet paa dei var ved kongebrev 1549 avgrensa til 3 eller 4; utkastet gjekk til 5, ordinansen likeeins.

I eit serskilt kapitel um innargang - kyrkjeleiding av barselkvinnor - gav utkastet fyreskrift um ceremoniar, og rettleiding um innhaldet i innargangstalen aat presten. - Ordinansen 1607 tok ikkje upp noko av dette, men nøgde seg med den stutte fyreskrifti i den danske ordinansen.

I kapitlet um soknebod vilde utkastet ha forbode "en synderlig Galenskab, som endnu en part udi Nordlanden hart vedholder", nemleg aa drygja til laurdagen med aa hanta presten til den sjuke, - likeeins aa uppsetja truloving til laurdagen, - leivningar av det katolske laurdagshelgehald. Dette forbod kom ikkje inn i ordinansen, derimot ei fyreskrift um, korleis presten skulde fara aat, naar grove syndarar, som burde staa openbert skrifte, la seg dødssjuke for aa faa presten til aa avløysa deim.

I kapitlet um jordeferd tok ordinansen upp ifraa utkastet fleire

fyresegner imot gamle skikkar og uskikkar, - fleire av dei skreiv seg fraa den katolske tid. Store jordeferdsgilde med "Hoffart og Frædtzerie", likvaka ei eller fleire nøter med gjestebod og drukken-skap og raseri, avgudisk sjeleringing, drukkenskap i likferdi, med bjelleringing fyre liket, sjaundedrykkjor med skaaler for den daude<sup>41</sup>.

I kapitlet um sjelesorg hos misgjerningsmenn innførte utkastet og ordinansen fyreskrift um at presten skulde fylgja brotsmannen til rettarstaden med kristelege formaningar til pønigense.

Heilt ny var tridje bolken i utkastet av 1604 "om Kircker oc Kirckegaarde". Den danske kyrkjeordinansen inneheldt berre faa og korte fyresegner um dette emne, og ikkje<sup>1</sup>noko serlegt kapitel. Innleidingi til bolken gjev, i tilknyting til Skrifti, motivering for aa bruka serlege kyrkjebygnader, med aatvaring imot misbruk med falsk læra og ukristeleg livnad.<sup>42</sup>

Utkastet av 1604 held vidare sterkt fram ein tanke, som ikkje kom til orde i den danske kyrkjeordinansen, nemægg at det er "gamle gudfryctige Forfædre" som hev gjeve gods til kyrkjerne og deira bygning. Men "det som godhiærtige Forfædre udi gudelig betenckende vellvilligen til Gudtz Åris oc Menniskens Saligheds forfremmelse skencket oc forordnet haffuer", er det ukristelegt aa fraavenda kyrkjerne, og den som slikt gjer, kann venta "Guds Heffn oc Vrede" og kongens "høye Unaade oc tillbørlige Straff".

Utkastet tok upp dei gjeldande fyreskrifter um registrering av kyrkjegodset og um kyrkjeverjor og deira plikter, men fyreslo, at istandsetjing av kyrkjer skulde kunna gjerast etter skyn av 6 lagrettemenn og sokneprest og provst utan aa henta samtykke hjaa den kongelege lensmannen. Vidare inneheldt utkastet fyreskrift um kva som skulde finnast av innreidnad og ornamenta. Ordinansen ~~av 1607~~ av 1607 hadde ikkje bruk for noko av dette. Derimot tok ordinansen upp fraa utkastet dei viktigaste andre fyreskrifter i kapitlet um kyrkjer, nemleg um plikt for soknemennene til uppattbygging av nedfallne kyrkjer, um hjelp av rike kyrkjer til fattige, um gravlegging

under kyrkjegolvvet, um stolestader i kyrkjerne, um sømeleg aatferd i kyrkja, - og hertil la ordinansen forbod mot helgedagsarbeid under straff etter lovi<sup>43</sup>.

For bruken av kyrkjegardar gav utkastet av 1604 ei serleg religiøs motivering, ut fraa voni um uppstoda aat lekamen<sup>44</sup>. Av dei fyresegner utkastet fyreslo, tok ordinansen av 1607 upp tvo, nemleg um kyrkje- og kyrkjegardsfred (etter Recessen i Kolding 1558), og um kyrkjegardar i kjøpstader. Derimot ikkje fyresegner um aa inndela sokner og kyrkjegardar paa landet i fjerdingar eller fleire partar, og um aa setja alle kyrkjegardar i Noreg i stand innan eit aar, - eit paalegg som endar med desse fyndige ord: "ja, den som findes Uvillig till saadant Christeligt Arbeide at forthielpe: Den lader der med till siune, att hand regiæris icke aff Gudtz Aand, och haffuer Galgen saa kjær, som Kirckegaarden: Haffuer sig oc att forvente, att hand faar paa det sidste en Asens Begræffuelse. Jer XXII.19 d.v.s. vert gravlagd under galgen i uvigd jord som ein misgjerningsmann.

Fjorde bolken, um skulane, er for største delen ny i utkastet av 1604. Dei fem lectier skulane var inndelt i etter den danske kyrkjeordinansen, motsvarar her sinkelectien og lste til 4de lectie, men ved den øvste (4de) lectie legg utkastet til : "om nogen her udi Riget saa høgt ved Gudtz Naade kunde bringes". Nokre av fyreskriftene um skulane i utkastet er tekne fraa den danske ordinansen, men kapitli um øvingane i skulane er nye og gjev ein utførlegare og betre undervisningsplan enn den danske. Denne planen, som truleg svarar til norsk skuleskipnad (kanskje i Oslo), vart ikkje nytta i den norske kyrkjeordinansen av 1607; istaden upptok den Christian III's skuleordning av 22.oktober 1604 med professor H.P.Resens "Tabella scholastica" med tilhøyrande "Admonitiones": denne skuletabell fordelte lærestoffet i detalj paa seks klassar.

Dei aalmenne fyresegner tok ordinansen av 1607 fraa den danske ordinansen, - også utsegni at "Latine Skoler forderffuis gierne af Norske (1539:danske) oc Tydske Skoler"<sup>45</sup>. Av nye fyreskrifter, som

utkastet av 1604 fyreslo, tok ordinansen av 1607 upp dei, at born fraa bygdene og smaabyane skulde sendast til kjøpstadsskulen, - at superintendentane skulde ha tilsyn med skulane, "baade paa Troens Vegne oc udi Bogelige Konster", - at superintendenten innset rektor etter aa ha overhøyrte honom, - at rektor vel høyrarar, som soknepresten godkjenner, - at ungdomen skal venjast til reinsemd og gode seder<sup>46</sup>. Derimot let ordinansen av 1607 fleire gode ting liggja, som utkastet av 1604 sa "om scholemesternis Embede oc Flijt"<sup>47</sup>.

Fraa kapitlet om Underholding till Disciplene, som var heilt nytt i utkastet, tok ordinansen av 1607 upp fleire nyttige fyreskrifter: at prelatar og kanikar skulde fyrst og fremst bruka skuledeknar, som er under disiplin, til sine koralar, og ikkje "subedegne eller dramckere" men at ogso fattige prestar med gode testimonia ei tid kann faa underhald som koralar, - at prelatat og rike borgarar skal gjeva skuledisiplane almisse kvar vika (etter tur), - at "posepilter" som gjeng for godtfolks dører og gjev seg ut for skuleborn utan aa vera det, skal refsast. I samhøve med kongebrev av 1601 for Trondheims stift avskaffa ordinansen av 1607 soknegangen aat skuledeknane over bygdene i Noreg; utkastet av 1604 fyreslo ogso at det til vederlag skulde paaleggjast bøndene ein liten pengeskatt til skulehjelp, aa innkr<sup>e</sup>vja av bygdelensmennene etter paabod av prestane, men ordinansen nøgde seg med aa innføra friviljug almissekollekt fraa bøndene til skuledisiplane aarleg ved mikkelsmessa.

Um underhald for lærarane i skulane tok utkastet av 1604 uppatt lovnaden i den danske kyrkjeordinansen av 1537/39, at kongen vilde forbetra deira løn med aa leggja til av sitt gods. Men i den norske kyrkjeordinansen 1607 heiter det, at det no kunde vera nok med det som var: "thi <sup>er</sup> ~~u~~ forhaabe, at de nu saa Rundeligen ere met Indkomst forsinnede, saa de dennem der aff vel kand behielpe."<sup>48</sup>

Fjorde bolken i den danske kyrkjeordinansen av 1537/39, som motsvarar den femte i utkastet, hadde i den danske titelen "en menig Almisse Kiste for Kirckens tienere oc de fattige". Denne titelen

gjeng tilbake paa ei ordning som vart forsøkt i den lutherske reformasjon i Tyskland, men aldri gjennomført i Danmark, enn mindre i Noreg. Hjaa oss bygde presteløningi framleides, etter reformasjonen, paa prebendesystemet, og det viktigaste kapitlet i denne bolken i den danske ordinansen, um opphald for prestar og deknar, er i utkastet av 1604 v overført til iste bolken, um lærdomen. Femte bolken i utkastet av 1604 handlar dofir berre "om hospitaler oc de fattige".

Hospitalskipnaden i utkastet er teken fraa den danske ordinansen og Ribeartiklane, men med visse tillegg. Av desse tok den norske ordinansen av 1604 upp fleire, - at der skal vera badstova ved hospitali, at hospitalslemene skal faa ærleg kristi jordeferd paa hospitalskyrkjegarden, - at hospitalslemer ikkje maa laupa i byen men halda seg innanfor hospitalens grensor og arbeida med sine hender, - at uskikkelege hospitalslemer kann utvisast, - at ikkje hospitalslemene sjølv, men forstandaren skal taka imot og forvalta gaavor til "Hospitalet Underholding". Andre fyresegner i utkastet vart derimot ikkje brukt i ordinansen 1607: - um hospitalsstyrar, naar ein ikkje kunde faa ein fast hospitalsforstandar, - um kontroll med innsamlaren av almisser aat hospitalet utover landet, - um aa tilstaa hospitali ein tridjedel av tavlekollekten ved høgmessa i kjøpstadene, - at biskopen skal vera med og styra hospitalet i alle ting i stiftsstaten, - at hospitalet skal vera arving til alt hospitalslemene eig og arvar, - at det ikkje skal kunna gravleggjast brotsmenn paa hospitalskyrkjegarden, derimot andre heiderlege folk mot vederlag til hospitalet, sovelsom fattige stakkarar. - Istaden la ordinansen av 1607 til, at hospitalsforstandarar skulde halda seg etter fundatsen, og at hospitali kunde taka upp pensjonerar, naar det var til stor fyremun for deim.

I kapitlet "om fattige eller huusarme" upptok ordinansen av 1607 fraa utkastet av 1604 eit paabod um at "de fattiges Bøsser" ogsa skulde upphengjast hos dei verdslege embetsmenn og i gjestgjevarhus.

Sjette bolken, um provstar og superintendentar, vart i utkastet 1604 betre skipa og inndelt, og supplert med nokre fyreskrifter, som



ordinansen av 1607 for ein del tok upp, - dei fleste i kapitlet um provstane. Fyresegner um, at provsten skulde skaffa bøndene rett over prestar og deknar, og at provsten skulde senda bispe- og kongebrev um religionen ikring til prestane, let ordinansen av 1607 liggja, men gav rom for ei fyreskrift um, at den som vart vald til ~~maxxakni~~ ~~maxxakni~~ provst, var pliktig til aa taka imot umbodet, likeeins ein regel um kva som tilkom provsten paa embetsreisor. Utkastet av 1604 fyreslo vidare, at provsten skulde kunna avgjera visse saker paa vegner av biskopen for at fattige folk kunde verta spara for lange reisor til bispestolen, - nemleg absolusjon for aa liggja barn ihel, og utferding av stemningar til kapitli (i ekteskaps- og sedskapssaker). Ordinansen av 1607 nøgde seg her med aa gjeva provstane "udi Norland oc Nørpaa" fullmakt til aa avslovere kvinner for slik barneskade, mot pengebøt til dei fattige.

Ordinansen 1607 tok ikkje upp ei fyresegn i utkastet um, at superintendenten paa visitas skulde høyra etter korleis prestane og soknefolket skikka seg mot kvarandre og elles, men gjekk med paa, at dei kongelege lensmennene skulde skaffa biskopane "nødtørfftig fordrings-skafft" paa visitasreisor.

I den sjuande bolken, "om nogle Synderlige Bøger", hadde M.Anders Bendsøn Dall fyrst teke med eit raad um, at blandt bibelumsetjingar var det "allertryggest" aa halda seg til "Hieronymi Version", d.v.s. den gamle latinske kyrkjebibelen, Vulgata, fordi den hadde gjeve kristendomen ei serleg hjelp imot jødane. Men Hieronymus' namn vart stroke i det endelege utkast som nøgde seg med aa formana til aa "bliffue ved en visse Version", utan aa nemna nokor spesiell umsetjing.

Ved sida av Luthers Postilla fyreslo utkastet ogso aa gjeva lov til aa nytta postillor av "andre Rettsindige Lærere ... som med vores reformerede Relligion offuer ens stemme". Og som slike vilde M.Anders Bendsøn Dall ha namnt fire tyske teologar, nemleg: Philipp Melanchthon (evangeliepostilla, tysk 1549, latin 1594), Johannes

Brentz, Luthers aandsfrende (evangeliepostilla 1550, epistelpostilla 1559), Georg Major, Melanchthons felage, dekanus i det teologiske Fakultet i Wittenberg 1558-74 (evangeliehomilier 1562, epistelhomilier 1563), Simon Pauli, professor og superintendent i Rostock, +1591, som h yrde til dei vmeir oppbyggelege predikantar<sup>49</sup> (evangelie- og epistelpostille 1574).

Men alle desse fire namn vart strokne i det endelege utkastet.

Forutan Melanchthons Loci communes fyreslo utkastet av 1604, at "her maa oc brugis andre deris Christelige Undervisninger, all den Stund de med Vrange Meninger ere Uformengede", - utan her aa nemna nokor annan kyrkjel rerar ved namn.

Men ikkje paa nokorav desse tri punkt (Bibelen, Luthers Postilla og Melnavhthons Loci) vilde ordinansen av 1607 gaa utanfor den danske ordinansen av 1537/39. Den norske og den danske kyrkja skulde staa heilt paa det same l regrunnlag.

I stadenfor "Apologiam Philippi", som er oppf rt blandt dei "synderlige B ger" i den danske kyrkjeordinansen av 1537/39, og som der - etter den daaverande spraakbruk - var namnet paa sj lve Confessio Augustana, ikkje paa Melanchthons Apologi, fyreslo utkastet av 1604 "Confessionem Augustanam med sin Apologia", men i ordinansen av 1607 vart brukt uttrykket "Confessionis Augustanae Apologiane Philippi". Grunnen var utan tvil, dels at lista over "synderlige B ger" ikkje maatte utvidast, dels at titelen "Apologia Philippi" i den danske ordinansen no uriktig vart forstaatt um sj lve Apologien. Resultatet var, at Confessio Augustana sj lv ikkje vart uttrykkeleg nemnt som l reskrift i den danske kyrkjeordinansen av 1607. Det skjede ved den kgl. stadfesting paa den norske adels privileg 1591<sup>50</sup>.

Den gamle regelen, at superintendentane kvar i sitt stift skulde gjeva vitnemaal til Universitetet i K benhavn um nye innanlands b ker, fyre dei vart prenta, vart stadfesta i ordinansen av 1607, i ei tydelegare form, i samh ve med utkastet. Dertil la ordinansen 1607 eit paabod til biskopane um aa avskaffa innf rte b ker med vrang l ra.

Derimot strauk ordinansen 1607 fyreskrifti um prenting av liturgiske bøker i den danske ordinansen av 1537/39, som utkastet av 1604 hadde utfylt for aa understreka "Endrectighed" i ceremoniar og "enlighed" i bøneformer.

Den ottande og siste bolken i utkastet av 1604, "om Disciplin eller Kirkckestraff", er ihopsett av stoff fraa fleire stader i den danske kyrkjeordinansen av 1537/39, men er auka med fire nye kapitel, samtidig som dei eldre er utvida. Innleidingi definerar kva som er aa forstaa ved kyrkjeleg jurisdiksjon i den evangeliske kyrkja, - det gjeld læra og livnad<sup>51</sup>.

I det fyrste kapitel, som ikkje hev noko motsvarande i den danske kyrkjeordinansen av 1537/39, og som heller ikkje vart uppteke i den norske ordinansen av 1607, fyreslo superintendentane aa lovfesta i Noreg synodar eller "Præstemøder", nærmast etter dansk fyrebilæte, og det tvo slag: 1) synodi generales eller "Landemøder" ved domkyrkja i kvart stift, samansett av biskop, kgl. lensmann, kapitlet og provstane og 2) synodi speciales eller provinciales, for dei einskilde provsti, som utkastet etter dansk spraakbruk kallar "Herred", samansett av "Herritz Provisten met alle sine Herritz Præster", og samla ved ei av kyrkjerne paa umgang.

I kapitlet "om Capituler oc Canisker" gaar utkastet ut fraa den kyrkjelege tradisjon, at kapitli var raad for biskopane, og at deira hovuduppgava, umfram kyrkjetenesta, skal vera aa halda kyrkjedisiplinen ved like<sup>52</sup>. Utkastet vil derfor ha styrkt stillingi aat kapitli i Noreg, - det kallar stadig medlemene av kapitli "Prelati oc Canonici", ynskjer ny stadfesting paa deira gamle privileg og statutt, og dessutan paa det privileg som var deim gjeve ved fundatsen for Kjøpenhamns Universitet 1539, at dei ikkje skal dømast av lagmenn eller av borgarmeister og raad, men staa direkte under Kongen.

Vidare fyreslo utkastet, at den teologiske lesemeisteren nokre gonger um aaret skal innbjoda til disputas over teser fraa den bok han held fyrelesningar over, og at prelatar, kanikar og prestar kvart

aar skal halda ein latinsk orativu i nærver av sine medbrødrar, til prøva paa sin lærdom og sine studier. Kanikane skal øva seg i aa preika, og ordinerte kanikar skal også administrera altarsakramentet etter etter tilsegjing av soknepresten eller biskopen. Kanikane er forp<sup>l</sup>ikta til aa sitja i kapitelsetten etter tilkalling og skal eigenhendig underskriva sakene.

Uthastet gjev ei forvitneleg definisjon for umraadet for den evangelisk jurisdiksjon, ved aa rekna upp dei saker som høyrer under kapitli:  
 "Vildfarelse...udi Lærdommen eller Ceremonier...klagemaal offuer Præstern eller andre Kirckens Personer, paa deris Embedis eller Leffnitz Vegne. Om Ecteskabs Sager. Om Kirckernis oc Præsternis Inventario. Om Sognemendens Utacknemmelighed emod Gudtz Ordzt Tjænere. Om dennom som føre itt Uchristeligt Leffnit, om huilcket dog icke saa klarlige findes udi Landitz-Lougen eller Rettebøderne, hvad ~~deris~~ straff skall være". - Derimot ikkje "Mord, Mandsløtt, Tiuffuerie, Kiøb, Løffte om Godtz eller Penninge, Giæld, oc andet saadant, dett kommer dennom intet ved".

Ingen ting av alt dette vart uppteke i ordinansen av 1607. Der er det berre fyreskrive at kapitli ikkje skal døma i andre saker "End som der bør Ord<sup>l</sup>is aff Capittelerne, oc sedvanligt er"; serleg er nemnt ekteskaps- og horsaker. Ny var fyresegni um, at dei skal halda consistoria paa same tid som lagrettene vart haldne ved bispesæti. Etter Christian IV's Norske Lov av 1604 var lagst<sup>l</sup>ingstidene fastsett soleis for stiftss<sup>l</sup>æddane;

i Oslo ved Paalsmesse (25.januar), Midfaste (4de sundag i fasta), Tokketysdag (2dre tysdag etter paaske), St.Hans midsumar (24.juni) og Vinternatt (14.oktober); i Stavanger ved Botolfi (17.juni) og Krossmessa um hausten (14.septe mber), i Bergen ved Botolfi (17.juni), i Trondheim ved Botolfi (17. juni).

Ei fyresegn i utkastet um rettargong og straff for den som "aff Egensindighed begynder eller lader sig fornemme (=merke med) noget nytt eller nogen forandring udi Relligionen, Sacramenterne eller

Ceremonier, emod Ordinantzten", kom merkeleg nok ikkje inn i den norske ordinansen av 1607, - enndaa det just i den tid ofte vart ført rettsleg tiltale i lærespursmaal.

Um klagemaal over superintendentane fyreskreiv den danske kyrkjeordinansen av 1537/39, at dei kgl. lensmennar skulde melda det til kongen, naar det gjekk "rycte y stictet" um last, vrang lærdom eller embetsforsøming hjaa superintendenten, eller - som det heiter - naar dei var "obenbare berøctede". Men her forlangte utkastet av 1604, at lensmennene ikkje maatte "tilstøde nogen hiemelig klagemaal" over nokon biskop, men lata biskopen sjølv faa koma tilstader og høyra klagja, so han kunde forsvara seg. Um ordinansen av 1607 let det her bli ved det gamle. - Heller ikkje tok ordinansen av 1607 upp ei fyresegn i utkastet um, at klagja over ein premt skulde fyrst framførast for provsten, som skulde formana presten og rpøva aa forlika bonden og presten.

Vedrørende skulefolk gav ordinansen 1607 rom for visse disiplinære fyresegner i utkastet; at skulemeisteren skal kunna avsetjast av biskopen; at skulemeisteren ikkje skal reisa fraa byen utan løyve av biskopen eller soknepresten, og høyrarar ikkje utan løyve av skulemeisteren og soknepresten. Møn andre fyreskrifter let ordinansen liggja, som: at forsømelege høyrarar skal straffast av skulemeisteren og soknepresten, og i tilfelle avsetjast; at skule~~xxxxxxxx~~disiplane skal lyda under skulemeisteren, men naar dei er motviljuge, utvisast or skulen og staa til rette for verdsleg øvrigheit.

Um ekteskapsaker upptok ordinansen av 1607 etter utkastet ei tilvising til Frederik II's ekteskapsordinans av 1582, med paalegg um, at alle prestar skulde skaffa seg denne lov og raadføra soknefolket etter den; ekteskapsordinansen vart difor prenta som tillegg til den norske kyrkjeordinansen.

Fraa utkastet henta ordinansen av 1607 ogsø fyresegner um register ved domkyrkja over godset aat kyrkjor og presteembete, og um register ved kvar kyrkja over jordegods, uppebørsel og ornamenta som tilhøyrde kyrkja (dansk: kirkestol), og eit forbod mot, at inventar ved preste-

gardane (husdyr) vart gjort um i pengar ved presteskifte.

Vidare hadde utkastet 1604 eit serlegt lite kapitel um formaning og straff for soknemenn som ikkje ytte presten det honom tåkkom, men ordinansen 1607 nøyde seg her med den gamle korte fyreskrift i den danske ordinansen.

Utkastet 1604 sluttar med eit lengere kapitel um kyrkjedisiplin over dei som fører ein ukristeleg livnad. Kapitlet hev ei innleiing - som ikkje er uppteki i ordinansen 1607 - med motivering for den evangeliske kyrkjedisiplin, fyrst og fremst for det openberre skrifte for openberre laster<sup>53</sup>. Utviklingi sidan reformasjonen hev vist, at den reine og rette læra ikkje enno hev utreinsa den gamle surdeig; difor trengst her skarp age og tukt, ris og straff, for aa halda dei kristne under "fryct oc Lydighed". - Men sjelesyrgjaren skal akta seg for aa bannsetja nokon utan vitterleg kunnskap um personen og gjerningi, og han bør fylgja Christi raad i Matt.18, um formaning, innan han skrid til bannsetjing. Fyrst paamina syndaren i einrom, deretter "Lese dennom en skarp Text fore" i nærvar av tvo dannemenn, og endeleg saman med provsten melda det til kapitlet, forat den kgl. lensmann og biskopen "med andre Christne Oldinge" kann paamina og straffa syndaren, og fyrst naar dette er utan frukt, skal konsistoriet paaleggja presten aa stja honom offentleg i kyrkjebann.

Ordinansen av 1607 inneheld ei tilsvarande fyreskrift for sjelesyrgjaren med andre ord, men strauk kapitlet som tredje instans og gav presten rett til aa bannsetja alt etter dei tvo fyrste formaningar - og heldt seg dermed til det bibelske fyrebilæte.

Fraa den gamle kristenretten tok utkastet upp den regelen, at misgjerningsmenn ikkje skulde gravleggjast i kyrkjejord, men - som det heiter med uttrykket fraa profeten Jeremias - straffast "med en Esels Begravfuelle". Dette gjeld "Hedninger, Vildemænd (d.e. kjøttarar, gl.n. villumenn), de som dræbe sig selfue, Forædere, Mordere, Ransmend, Røffuere, Spaamend, Fredløsemend, Tiuffue som dømde ere, Æreløsemænd, Aabenbare Aagerkarle, oc alle andre som obenbarlige Misgjærninger haffue bedreffuit oc icke giørtt obenbarlige Plict derforre".

Alt dette gjeld slike som syndar av motvilje, ikkje av skrøpelegheit. Derfor vil utkastet ikkje, at dei kgl. lensmenn skal "Stocke eller Blocke... eller udi anden Maade tyranskeligen offuerfalde" mødrar som utan skuld og mot sin vilje kjem til aa liggja sine born ihel. Her tek utkastet ordet for ei humanare rettspeie.

"Thi - heiter det - dett kand huer Christen Menniske vell giffue Mact, att en Erlig Christelig Moder, som saadan Sorrig vederfaris (som ufriviljug barneskade), jo vorder hiærtelige bedrøffuit, Saa att man icke burde att legge Saar paa Bulde (som mand pleyer att sige), dett er, att bedrøffue den mere, som tilforn er Hiærtelig Sorgefulld".

Ingenting av dette fekk rom i ordinansen av 1607. Den nøgde seg elles med aa taka upp att det som den danske kyrkjeordinansen av 1537/39 inneheldt um kyrkjedisiplinen.

Denne jamføring av utkastet av 1604 med ordinansen av 1607 stadfester daa det resultat som jamføringi gav alt i fyrste bokken, nemleg at utkastet i sterkare mun enn ordinansen gjev uttrykk for kyrkjelege interessor, det gaar vidare enn ordinansen i pastoral og praktisk leid, og det fylgjer i visse maatar betre med tidi. Utkastet var ikkje i serleg forstand nasjonalt, - det retta seg etter den danske ordinansen so langt som mogeleg - , men det var tidhøvelegt og vel avmaala etter norske vilkaar. For det kongelege kancelli i Kjøpenhamn var det derimot ein hovudinteresse aa halda dei tvo landskyrkjorne i Noreg og Danmark so nær kvarandre som mogeleg i skipnad, og aa innføra minst mogeleg ~~ixskipnady~~ av nytt. Ein maatte anten reformera den danske kyrkjeordinanse i same leid som det norske utkastet, eller skruva utkastet tilbake til størst mogeleg likskap med det uforandra danske fyrebilæte. Det var dette som skjede. Og anna kunde ikkje vera aa venta i den tid daa det kongelege kancelli vart styrt av Danmarks rikes kanslar Arild Huitledt, ein av dei mest framskotne menn i den danske høgadelen, som hadde den største interesse av aa halda Noreg i næraste samband med Danmark og helst i underordning.

Elles kjenner me ikkje nærmare til arbeidet med den norske ordinansen, etter at utkastet aat dei norske superintendentane var avlevert til

Kongen. Men eit punkt vekte særskilt merksemdå nemleg exorcismen ved daapen.

Etter den danske kyrkjeordinansen av 1537/39 hadde utkastet av 1604 teke upp exorcismen i daapsritualet: "Far her ud, du urene aand" etc. Men just i dei dagar gjekk bylgjorne høgt, um ikkje djevleutdrivingi burde sløyfast ved barnedaapen. Fleire kalviniserande prestar ynskte det burt - soleis som fyrr uttalt - og til deira meining gjekk Kongen over. Han bar spursmaalet fram for Danmarks riksråd, som fann, at exorcismen "uden nogen forargelse udi religionen vil aldelis kunne afskaffis". Kongen bad um fraasegn fraa det Teologiske Fakultet og fraa biskopane, 6.april 1606<sup>54</sup>, og so viss var kongen i si sak, at han let si nyfødde dotter prinsesse Elisabeth (f. 16.mars 1606) døpa av Sjællands biskop utan exorcisme, og i den norske ordinansen vart no- som det vart rapportert fraa Kjøbenhavn til biskopen i Stavanger 10.mai 1606 - exorcismen utelatt. Biskopane (dei danske) var i det heile imot forandring, men dei fleste av professorane for<sup>55</sup>.

Den 24.april 1607 overleverte rigens skriver Claus Mortenssøn paa vegner av kanslaren til konsistoriet ved Kjøbenhavns universitet "en skreven bog, som indholdt den norske ordinantz, at skulle revideris af professoribus at den siden kunde gaa ud paa træk". I nytt konsistoriemøte 6.mai 1607, der riksskrivaren var til stades, vart ordinansen upplesen<sup>56</sup>. Alle professorane samtykte i aa utelata exorcismen, utan den strengt ortodokse dr. Hans Povelssøn Resen, som var ein nidkjær motstandar av all løynleg kalvinisme. Han forsvara exorcismen med stor energi og lærdom, og enden var, at exorcismen med samtykke av myndighetene vart sett innatt i den norske kyrkjelov<sup>56a</sup>.

Den 9<sup>57</sup>. (eller 2<sup>58</sup>.) juli 1607 godkjente og publiserte kong Christian IV endeleg den norske kyrkjeordinansen, samtidig utkom den nye lov i prenten i Kjøbenhavn. i same format og utstyr som den norske lovboki av 1604, med fylgjande titel: "En Kircke Ordinantze, Huor effter alle, Baade Geistlige oc Verdslige udi Norgis Rige, skulle sig rette oc forholde, Giffuet Aar 1607". - og som fyrr opplyst, vart



ekteskapsordinansen av 1582 prenta som tillegg.

I slutten av juli reiste Kong Christian IV til Noreg for aa vera til stades paa herredagen i Stavanger. Danmarks rikens kanslar og fire danske riksradaar og riksskrivaren fylgde kongen. Her vart ordinansen høgtideleg publisert i august 1607. "Til Herre-dagen udi Stavanger - fortel Christian IV's historieskrivar Nils Slange - , hvortil Norges Biskopper og nogle Caniker af et hvert Capitel, desligeste nogle Udvalde af hver Stifts Provster og Præster vare iligemaade kaldede, Blef dend Norske Kirke-Ordinantze udgivet, og oppentligen udi Stavanger Dom-Kirke oplæst. Saa blef og hver Biskop og hver Capitel samt hver af de Udvalde fra Stifterne medgivet nogle Exempler, som de skulle med sig tage, og paa sine tilbørlige Stæder lade forkynde"<sup>59</sup>.

Med denne høgtidelege kunngjering av ei eigi lov for den evangeliske kyrkja i Noregs rike var sluttstreken sett paa reformasjonsverket. Med denne kyrkjeløv var Noregs kyrkja godkjent som ei landskyrkja for seg, ikkje som ein led av den danske. Saman med den verdslege norske lovbok utgjer den norske kyrkjeordinansen eit lovverk som ogso politisk framhever Noreg som eit eige rike. Serleg klaart kom dette til orde derved, at kyrkjeordinansen for Noregs rike ved forordning av 29.november 1622 vart gjort gjeldande paa Island<sup>60</sup>; lovi vart umsett til islansk av biskop Odd Einarsson og prenta paa Holar 1635.

Kyrkjeordinansen for Noregs rike brukar over alt "norsk" um kyrkjemaalet, der den danske kyrkjeordinansen sa "dansk". Dei danske autoritetane som utferda vaar kyrkjeordinans i Kjøbenhavn, hadde nok ei god meining med dette. Men det hadde lite aa segja. Kyrkjemaalet var heilt dansk, - noko norsk eksisterte ikkje, - og det var ingen i det norske presteskapet som tok tilføre av ordlaget i  $\frac{1}{2}$  ordinansen til aa skapa eit nytt norsk kyrkjemaal.

Den nasjonale verdi av innhaldet i ordinansen var heller ikkje stor, - soleis som fyrr paapeika. Det danske element er det langt overvegande. Daa gav utkastet fraa dei norske superintendentane meir stoff av sjølvstendig art, der var det teke meir omsyn til norske tilhøve - derimot

ikkje til islandske, for det hadde ingen tenkt paa -, og i deira utkast hadde den praktiske røynsla fenge breidare rom. Men det var berre danske menn som forfatta baade utkastet og lovi sjølv, og trusskap mot dansk kyrkjeskikk vart difor sermerket i den norske kyrkjeordinansen. Etter si evna hadde dei danske superintendentane i Noreg freista aa tilferdsstella norske kyrkjelege interessor i sitt framlegg. Men den lagnaden utkastet fekk, viste at jamvel dei var gaatt for langt i aa hevda ei serstilling for vaar kyrkja ved sida av den danske.

## NOTER

1. NKO 1604 s.197-8, s.145-52
2. NR III,229,235-6.300-1.
3. NR III,678-80
4. N.Slange,Chr.IV.I,205.
5. N.Slange,Chr.IV.I,206.
6. DK1 I,s.124-126 s.80 s.112 s.113
7. s.55<sup>a</sup> s.80<sup>u</sup> s.72<sup>c</sup> s.71<sup>a</sup> s.98<sup>t</sup>
8. s.98
9. U.23ff N440ff
10. s.13
11. s.13
12. s.16-17
13. s.18. 35-36. 44.46.49. Les dette.
14. s.19 l.14-23.
15. U.s.22
16. U.s.23
17. U.s.25,1,6-13
18. U.s.25 l.31-38 s.26 l.1-15
19. bl.29b. Ord.1607 gav det viktige privilegium at 12 norske studentar skulde ha friplass ved Kommunitetet ved universitetet i Kjøbenhavn, som umfatta 100 studentar, - 4 fraa Oslo-(Hamar) og fraa Trondhøim, 2 fraa Bergen og fraa Stavanger bl.29b.
20. U.s.27f.
21. U.s.27.
22. U.s.29.
23. D 75 = N28
24. f.30
25. s.34
26. NR I,124.152
- 26a.U s.40 l.10-24 N.38 Les dette.
27. f.36
28. s.42.
29. s.42
30. s.44-45
31. s.45-46
32. s.47.
33. s.48.
34. s.49.
35. s.50.
36. s.50
37. DKL III,58
38. s.61

39. s.61-63  
 40. s.67-69  
 41. s.79-81 Les s.79 l.29-35 s.80 l.30-s.81 l.5  
 42. s.83<sup>4</sup>-84<sup>24</sup>. Les dette.  
 43. f.39  
 44. s.88<sup>10</sup>-89<sup>4</sup>. Les dette.  
 45. f.62 =DK1 s.10  
 46. s.97 = f.72  
 47. s.102<sup>15-27</sup>,103<sup>10-17</sup>. Les dette.  
 48. f.72b.  
 49. PRE<sup>3</sup>XV,671  
 50. NR III,199  
 51. s.128. Les dette  
 52. s.130<sup>2-12</sup>. Les dette.  
 53. s.138-9. Les dette.  
 54. DK1 III nr.24.  
 55. Sjaa fraasegnerne i Dan.Bibl. IV. Jfr.Kort Aslaksen um exorcismeni<sup>+</sup>Ný  
 - Kgl.Saml. 1130 og 1223.4.<sup>++</sup>-trykt i Oluf Bangs samlinger af nyttige  
 og opbyggelige Materier I,345-55, udrag i Dan.Bibl. IV,49-57.  
 +Ny kgl.Saml.754 fol.,s.238-41  
 ++Gl.kgl.Saml 124 fol., s.82-91  
 (Kornerup, Resen I,275n.)
56. Kbist.Saml.4 IV,776  
 56a.Ny Kh.Saml.V,235  
 57. NR.IV,201  
 58. Den trykte utg.1607  
 59. N.Slange,Chr.IV's Hist.I,236  
 60. Lovsaml.f.Island I,208.

XII. 1600-TALET.

Med aaret 1607 endar den lange perioden i Noregs kyrkjesoga, som var innleiddt i 1537 med kunngjeringi av den danske reformasjonslov som millombils kyrkjelov for Noreg. Paa dette grunnlag var den katolske kyrkja i Noreg blitt umdana til ei evangelisk landskyrkja med <sup>Skrifti og</sup> Augustana og Luthers katekisma til lærenorm, organisert etter dansk mynster, med kongen som vernar og øvste styrar, med serleg norsk kyrkjelov, men med dei same kyrkjelege ordningar som i Danmark i alle hovudstykke, og med dansk kyrkjemaal og danske tilsynsmenn.

Den perioden i Noregs kyrkjesoga som fylgjer etter reformasjonstidi, vil me kalla 1600talet. Det er vanlegt aa karakterisera dette hundradaaret som rett-trunadstidi. Men der var rett-trunad baade fyrr og sidan. Rett-trunaden er nok den dominerande aandelege makt i kyrkja paa 1600talet. Men eit slikt ord segjer ikkje nok um kyrkjelivet, og paa langt nær alt. Der er andre synspunkt enn lærereinleiken og læreinskapen - dei er fastslaatt i prinsippet fyrr, og i norsk lov i 1591. - Like viktige til karakteristikk av tidi, er barnelærdomen, preika, gudfryktighets øvelse, bot og betring, tukt og orden, - oppgaaavor som tidi sjølv tok med største aalvor. Og den form, som kyrkjelivet rører seg i, er ikkje berre den reine læra og den rette tru, men med alltid større makt verkar ein ytre faktor, som reformasjonen hev skapt, statskyrkjesystemet, som i dette hundradaaret naar sin høgaste utvikling i vaart land i absolutismen, det kongelege einevelde baade i timelege og i aandelege ting.

Det er difor uraad aa samanfata alt som sermerker tidi, i eit raakande namn paa perioden. For aa undgaa ei uhistorisk skjemativering vil me difor nøgja oss med det neutrale "1600talet".

### 1. Leidande menn fyre 1650.

Daa kong Christian IV kunngjorde den norske kyrkjeordinansen i Stavanger domkyrkja i august 1607 for den norske geistligheit, var berre ein av forfattarane av utkastet fraa 1604 i live, nemleg biskopen i Trondheim M. Isak Grønbeck. M. Jørgen Eriksson i Stavanger var avliden 5. juni 1604, M. Anders Foss i Bergen 25. januar 1607, og M. Anders Bendsson Dall i Oslo-Hamar 16. april 1607.

Til biskop i Stavanger ynskte kapitlet ein nordmann, bergensaren M. Oluf Jenssøn Kock, sokneprest ved domkyrkja i Lund, verson til den siste Stavanger-biskopen. Med det heftige og framfusande vesen M. Oluf Kock la for dagen baade fyrr og sidan, vilde han nok ha høvt mindre godt som tilsynsmann.<sup>1)</sup> Kongen utnemnde istaden dansken M. Laurits Claussøn Skanbo (Laurentius Nicolai Scavenius)<sup>2)</sup>, tidlegare professor pædagogicus ved Universitetet i Kjøbenhavn (L.S. halla ei tid til katolisismen, paaverka av M. Christoffer Hjort (1597), no prest paa Amager. Han valde honom "særdeeles formedelst hans Lærdom

og ustraffelige Lefnet, paa det at Stiftet kunde blive holdt udi dend gode Ave, som den forrige (Biskop) havde sat det udi." <sup>3)</sup>

Det syntte seg, at kongen her gjorde eit godt val. I si 21-aarige bispetid (1605-26) innla Scavenius seg fleire fortjenester. Han gav i 1612 Stavanger hospital ein fundats, som denne skipnaden fyrr hadde sakna. Han fekk skipa eit lektorat i teologi ved domkyrkja i 1621. Han teikna eit kart over sitt bispedøme, det fyrste i sitt slag; det vart uppteke i dei namngjetne store geografiske atlas, som kom ut i Amsterdam i 1630-40-aari. Og han utarbeidde ei ny jordebok over kyrkjegodset i Stavanger bispedøme, den sokalla Graagaas, fullført i 1626, til avløsning for biskop Botolvs jordebok fraa 1360-aari.

Til biskopar i Bergen og i Oslo-Hamar utnemnde kongen i 1608 paa same dag tvo danske menn. Kven kapitli hadde valt, er ukjent. Til Bergen kom Anders Mikkelssøn Kolding, fyrr kapellan og slottsprest i Kolding; han hadde gjeve ut skrifter av oppbyggelegt og teologisk innhald, og synest ikkje ha høyrte til dei strengt ortddokse lutheranar, ettersom professor Kort Aslaksson hev tileigna honom ei av sine bøker. Biskop Anders tok seg med serleg energi av katedralskulen, sette pengestellet aat skulen paa god fot, førte flittig uppsyn med lærarar og disiplar og underviste sjølv dagleg i skulen. <sup>4)</sup> Hans tid vart berre sju aar, men han fekk eit godt ettermæle: "Ved Flid, Nidkiærhed og Guds frygt udmerkede denne brave Biskop sig fra først til sidst." <sup>5)</sup>

M. Anders Bendssøn Dalls etterfylgjar M. Nils Claussøn Senning, <sup>6)</sup> hadde fare utanlands m.a. i Frankrike som hovmeister for ein ung dansk adelsmann, og var sokneprest ved Vaar Frue kyrkja i Kjøbenhavn og verson til Sjællands biskop, daa kongen utnemnde honom til biskop over Oslo-Hamar stift. Hans læresvein Christoffer Ulfeldt rosar honom i høge tonar for hans gode eigenskapar: virtus, probitas, gravitas, magnum iudicium, doctrina, pietas, <sup>7)</sup> - dygd, rettvisa, stødleik, stor dømekraft, lærdom, fromheit. Som biskop viste han seg aarvak og nidkjær for den rette læra, og hev gjort seg namngjeten ved sin kraftige aksjon mot papistiske prestar og studentar, som sidan skal bli umtala. Men den rolle han her spela som inkvisitor og domar gjorde at han i bispedømet minntest som "den onde biskop". <sup>8)</sup>

Biskopen i Trondheim M. Isak Grønbeck (1595-1617) var, trass i si velke helsa - han tenkte i 1606 paa aa taka avskil <sup>9)</sup> - ein verksam og veltent tilsynsmann. Han fekk iverksett visse reformer med domkapitlet og med tienden, han hjalp opp katedralskulen, <sup>10)</sup> han visiterte flitug i sitt store bispedøme, <sup>11)</sup> og han innførte katekisasjon i alle kyrkjer; <sup>12)</sup> i hans tid fekk Hospitalet i Trondheim sin fyrste fundats; <sup>13)</sup> han skipa eit fattiglegat for Trondheims by, og til domkapitlet testamenterte han sitt bibliotek. Han var ein lærd humanist, <sup>14)</sup> som m.a. hev skrive um dei hebraiske aksentane, og han hev etterleivt ei uttrykt umsetjing av Davids

Psalmar fraa hebraisk til danske vers (1604), "etter den frantsøsiske art og melodi", dvs. etter fyrebilæte av den namngjetne franske umsetjing av Psalteriet av Clément Marot og Theodor Beza; den poetiske evne, som her turvttest, sakna han likevel. Der fyreligg ogso fraa hans hand 21 preikor over Davids 90de Psalme (1600).

Grønbecks ettermann som biskop i Trondheim var den 30-aarige danske slottspresten M. Anders Arrebo (1618-1622). Med sine rike aandsgaavor hev han fenge eit stort namn som diktar. Og som biskop fekk han gjennomført nyttige reformer: ved katedralskulen, som hadde eit stort disipeltal (127), vart talet paa lærarar auka;<sup>15)</sup> og aalmugen fekk kallsretten til 17 av dei 24 kannikegjeld.<sup>16)</sup> Men det kyrkjelege tilsynsembete paa la større andsvar enn den unge livsglade og urøynde mann forstod. Alt andre aaret han var biskop vekte han forarging ved si lettlynde aatferd i eit tridagars prestebudlaup i Hemne. Der gjekk det muntert til, med song og dans, og biskopen var ikkje den som sat og saag paa. Han var - som han sjølv sa - "godt Folk til Vilje, lystig i Leg og Samkvem, dandsede med de andre og vel undertiden sang med"; det var ein turdans dei kalla jegardansen, til visesong. Gjestene sov paa ein stor sal, menn og kvinnor i same rom, og tridjidadsmorgon, daa folk stod upp, gjekk biskopen halvpaaklædd ned til tvo gifte kvinnor, som enndaa laag, sette seg paa sengekanten og rødde med deim. Dette vart daa til, at biskopen var funnen i seng med annan manns kona, under same tekkje. - I eit anna prestebudlaup, i Stad eit par aar etter, var biskopen òg boden som gjest. Han la bispekjolen av og var med i jegardansen, han song fyre, og slo takten paa trumma. I den dansevisa dei song til Jægardansen var det vers som ikkje just høvde i ein biskops munn. I gjestebodet vart det drukke skaal etter gamall skikk til St. Bents minne, og biskopen var med. - I eit barselgilde hos gardsfuten paa Austraat improviserte biskopen skjemptefulle stev med verten og presten. - Etter alt dette tok sladdereren over biskopen slik overhand, at han laut prøva aa reinsa seg. Men han hadde tvo leide motmenn, byfuten i Trondheim Peder Lauritssøn og lensherren i Trondheim Tage Thott; M. Anders var uforsiktig og støyttedesse paa annan maate, og dei la gjerne an paa aa skada hans rykte. Etter tilskunding av den kgl. danske kanslaren Christian Friis, som M. Anders raadførte seg med, stemnde han Peder Lauritssøn for raadsturetten i Trondheim, men retten vart vilkaarleg leida av lensherren, soleis at vitneførsla vendte seg imot biskopen, og han nekta aa høyra saki til ende. Tage Thott samla stadig prov imot M. Anders, og fekk sett igjenom, at heile hans ferd skulde granskast og paadømast ved neste norske herredag i nærvær av kongen og dei andre norske biskopane. M. Anders hadde faatt eit godt skuttsmaal av prestane i sitt bispedøme, og paa herredagen i Bergen 1622 vart han frikjend for aa ha forset seg i embetet, men vart funnen skuldig i forargeleg aatferd i sitt privatliv, og for

aa ha vike undan retten i Trondheim. Kongen tykkjest ha vore ille stemt imot M. Anders og han vart dømt fraa sin bispestol. Sjølv um ein reknar med den tids friare umgangsformer, var domen ikkje heilt ufortent, men han var uturvande streng, og dertil kom, at domen vart prenta og kunn-gjort over baae rike gjenom biskopane til aatvaring mot "saadan Let-færdighed" i den geistlige orden,<sup>17)</sup> og Arrebo vart dermed stelt i gapestokken som ein uverdigg Herrens tenar. Aaret etter gav Arrebo ut "K. Davids Psalter, Sangviis udsat", som han tileigna den norske geistlig-heit; i dedikasjonen gjorde han bot ved aa "deprecere..alt huis ung eller gammel af min conversation hos eder, nogen tid eller sted med Ord eller Gierninger, kunde offenderet være",<sup>18)</sup> og takka for "Broderlig favor oc omgængelse, den korte tid vi vaare Collegæ, Naboer oc Conversanter til-sammen, saa oc andre Velgierninger, som mange aff eder mig gjort oc be-vjst haffue."<sup>19)</sup> Han mista ikkje sitt gode namn i Noreg, - tvertimot viser folkesegni, at stemningi i stiftet var paa hans sida, og hans Davidssalmar var mykje umtykt i vaart land og fanst - heiter det - alle-stader i norske heimar. - Etter ei tid fekk han si misferd tilgjevi av kongen og vart sokneprest i Vordingborg paa Sjælland, Danmark. Um han ikkje hævde som tilsynsmann, var han ein dugande prest, - hans preikor over Christi lidingshistorie og uppstoda viser det. - Si største namn-kunna vann han som diktar, serleg ved sitt hovudverk "Hexaëmeron", der han skildrar Guds skaparverk i ein ny poetisk stil etter tysk og fransk fyrebilæte; dermed grunnla han den lærde kunstdikting i Danmark. I dette diktet flettar han inn skildringar fraa Noregs natur og dyreliv, - minne fraa hans visitasferder i Nordland og Finnmark, kanskje ogso med stud-nad i Peder Claussøns skrifter.<sup>20)</sup> Arrebo vart lenge etter heidra her i landet med namnet den norske Vergil: "Noricus ille Maro et divina mente poeta".<sup>21)</sup> Og det er ikkje den minste ros for honom, at Petter Dass hev funne eit av sine viktigaste fyrebilæte i Arrebos "Hexaëmeron".<sup>22)</sup>

Arrebos ettermann vart M. Peder Jenssøn Skjelderup, biskop 1622-42, fødd og oppvaksen i Noreg, son til den 2dre evangeliske biskopen i Berg-en dr. Jens Skjelderup. Christian IV hadde lagt merke til honom som predikant, daa han vitja Noreg i 1607, og dermed var hans lukka gjord; han vart sidan etter kongens ynskje kalla til sokneprest ved Vaar Frue kyrkja i Kjøpenhamn, og etter domen over Arrebo var det eit tillitsprov aa verta sett til biskop i Trondheim. Skjelderup var ein skikkeleg mann, som gjorde det han kunde for at ordinansen skulde etterlevast i hans bispedøme,<sup>23)</sup> men han hev elles ikkje sett merke etter seg. Nokre aar fyrr sin død tok han avskil, men fekk ikkje, - som han hadde ynskt - sonen sin til ettermann. Det vart den kraftige og verksame M. Erik Bredal, som sidan vil bli nærmare umtala.

Dugande og fortente menn var dei samtidige biskopabe i dei tri andre stift. Etter M. Nils Claussøn Sennings død i 1617 valde Oslo kapit-



ein dansk mann til hans etterfylgjar, M. Herman Nilsson, professor i hebraisk ved Kjøpenhamns universitet, tidlegare rektor i Oslo. Men kongen hadde no som vanleg sin eigen kandidat, ogso dansk, M. Nils Glostrup, sokneprest i Helsingør og provst. Glostrup var nok ein mann som kunde meir enn sitt Fadervaar. I den tid han hadde vore sokneprest i Kjøge, hendte den namngjetne heksehistoria som kallast Kjøge huskors.<sup>24)</sup> M. Nils var like overtydd um, at den vonde anden var til, som folk elles i byen; han tiltala "gasten"<sup>25)</sup> paa latin og fekk han dermed maalbunden.<sup>26)</sup> Ei segn fortel, at daa Christian IV var blitt enkemann, hendte det i eit brudlaup i Kjøbenhavn i 1613, at han forelska seg i ei borgardottar, som skal ha vore trulova med M. Nils Glostrup; kongen vilde ha hende til frilla, og den unge magisteren skal ha vore føyeleg og gjeve slepp paa kjærasten; sidan vart han gift med syster hennar.<sup>27)</sup> Glostrups Befordringer - segjer L. Daae<sup>28)</sup> - kunne neppe ligefrem tilskrives Frillens Indflydelse, men det bliver dog høist sandsynligt, at han, om ikke hans Svigerinde havde været, neppe saa let havde fundet Veien til Kongens nærmere Bekjendtskab og Gunst." Bispinna hadde elles ogso slekt i Noreg. -

I sitt nye embete vart Glostrup vel umtykt. I motsetnad til sin formann fekk han tilnamnet "den gode biskop".<sup>29)</sup> Og han fortente det. Ikkje berre for di han var mildare i dei aksjonar som fyrekom i hans tid mot papistar i bispedømet, men ogso av andre grunnar. Hans visitasbok<sup>30)</sup> ber paa kvart blad vitne um, korleis serleg katekisasjonen laag honom varmt paa hjarta, og at han tok seg av alle tilhøve, der det var noko aa klaga over, med prestar, kyrkior, kyrkjeutstyr, soknefolk. Daa det i 1631 var paa tale aa gjeva ut eit tillegg til kyrkjeordinansen,<sup>31)</sup> kom Glostrup med ei rekkja gode framlegg til reformer. Han er den fyrste som fyreslo innført offisielt ministerialbøker ved presteembeti i Noreg;<sup>32)</sup> han tilraader ei betre ordning med embetstilsetjingar og mildare reglar vedrørande ekteskap; i alle desse stykke var han fyre si tid. - Daa bispegarden var forfallen, vart ein del av det gamle dominikanklostret, som kongen i 1552 hadde overlata biskop Frants Berg og hans arvingar til eiga, innkjøpt i 1622 til bispegard, og istandsett, og paa same stad hev bispen havt sin residens til denne dag. Ei steinkyrkja, Hellig Trefoldighets kirke, vart i Glostrups tid oppført av borgarane i den nye byen Christiania, ved torget, og innviggt etter Glostrups død i 1639 av biskop Nils Paasche i Bergen. Denne kyrkja var sidan domkyrkja, og den gamle Hallvåttskyrkja, som var skadd ved Oslos brand i 1624, vart overlata til forfall.

Glostrups ettermann vart hans svoger M. Oluf Boesen, ein danske som i 28 aar hadde verka ved den lærde skulen i stiftsstaden som rektor og lektor i teologi ved katedralskulen, og tilslutt som den fyrste professor i teologi ved Noregs einaste gymnasium, som kongen grunnla i Christiania 1636. Det var serleg skulen M. Oluf interesserte seg for

ogso som biskop (til 1646).

Biskop Nils Paaske (Nicolaus Paschasius) i Bergen, 1616-36, ogso dansk, var ein mann av lærdom, hadde m.a. studert i Leiden, var doktor i teologi fraa Kjøpenhamn, og vert rost av Jesper Brochmand for sin gudlegdom og sine spraakkunnskapar: vir religiosissimus et *καλὸς ἄριστος*.<sup>33)</sup> Um det siste vitnar m.a. hans utgaava av det græsk-latinske leksikon til det Nye Testamente av den nederlandske filologen Georg Pasor. Han skreiv ogso i røyndi betre latin enn dansk. Fraa hans hand hev mecuppteikningar um fornminnesmerke i Bergens stift, innsendt 1626 til professor Ole Worm. Han fekk det ettermæle i sitt stift, at han "førte sit Embede med Alvorlighed, var nidkiær og flittig, belønnede de Gode som en redelig Mand og lod de udenlige vederfares Ret efter Fortjeneste."<sup>34)</sup>

Hans etterfylgjar Ludvig Hanssøn Munthe, biskop 1636-49, den danske ættefaren til Muntheslekti i Noreg (Han hadde femtan barn med si hustru og kann difor - som Holberg segjer um honom - "billig regnes blandt Norges Patriarcher"), Ludvig Holbergs mormorsfar, var ein dugande predikant og nidkjær skulemann. Han tok seg serleg av den kristelege opplysning blandt folket, likesom sin formann biskop Paasche. Han (P.) hadde faatt ungdomen so vidt at dei kunde utanaat paa fingrane Luthers litle katekisma. Munte forfatta ei forklaring til katekisma, "Guds Ords første Alphabet", 1644,<sup>35)</sup> for aa fremja forståaingi og tileigningi av barnelærdomen blandt ungdomen, sovelsom hjaa andre kristne; det er ikkje nokor lærebok, men ei oppbyggjeleg utlegging i form av spursmaal og svar;<sup>36)</sup> framstillingi er tung og abstrakt.<sup>37)</sup>

I Stavanger verka dansken dr. Thomas Cortssøn Wegner, fyrr sokneprest ved Nicolai kyrkja i Kjøpenhamn, som biskop 1627-54. Han uppattliva stiftssynodane, som han skal ha halde kvart tridje aar, og der det etter den tids skikk vart disputert over teser som biskopen uppstelte. Han samla 25 runeinnskrifter i stiftet og sendte dei inn til professor Ole Worm. Han underviste sjølv i hebraisk i katedralskulen. Og han delte si tids interesse for den kristelege opplysning. Som hjelpemiddel for prestane ved kristendomsundervisningi gav han i 1648 ut "en liden Haandbog" med forklaring til Luthers litle katekisma med hustavla. Denne boki skil seg fraa biskop Munthes, og er meir ei verkeleg kristendoms-lærebok, so aa segja den fyrste i sitt slag som vaar kyrkja hev frambragt, i fleire maatar eit utmerkt og verdfullt arbeid.<sup>38)</sup>

Dei menn som her er nemnde og kort karakterisert, hev me kalla "leidande menn". Dei er det i kraft av si stilling som superintendentar, og fleire av dei hev eit godt namn. Menn i mindre embete i kyrkje og skule hadde i denne tid vanskeleg for aa gjera seg gjeldande framum andre utanum sin verkekrins, og den norske kyrkja er i denne tid utanum episkopatet fattig paa personlegdomar, som i eit eller anna stykke hev

utmerkt seg eller som hev betydd noko i ein vidare ring. Uniformiteten i læra, og dei faste ordningar som no var gjennomført, hindra all aandelig fridom. For den som veik av fraa det rette, var ingen framgang aa venta, tvertimot, - som me sidan skal sjaa fleire døme paa. Dei magre aandelege vilkaar i vaart land i den tid skulde heller ikkje verka til aa fostra menn av større maal i kyrkja. Og at det sogodtsom alltid vart sett danskar i leidande stillingar, maatte taka modet og trui fraa nordmennene sjølve.

Utanum bispekollegiet i den norske kyrkja i fyrste helvti av 1600talet fortener serleg ein nordmann aa nemnast blandt dei fremste teologar i Danmark og Noreg i daatidi, - professor Kort Aslaksson.<sup>39)</sup> Fødd i Bergen 1564 fekk han ei uvanleg lang, grundig og allsidig utdanning ved danske og utanlandske lærdomssæte - fyrst som student ved Universitetet i Kjøbenhavn, deretter som amanuensis hos den store danske astronom Tyge Brahe paa Hoen, og sidan med kongelegt utanlandsstipendium ved tyske, schweiziske, franske, engelske og skotske universitet<sup>40)</sup> paa 7de aaret - ialt ei studietid paa femtan aar. Han vart rekna for eit uvanleg godt hovud, og det var ikkje aa undra, at han straks etter si utanlandsferd vart knytt til Kjøbenhavns universitet, 1600 - den fyrste nordmann paa ein akademisk lærestol etter reformasjonen - fyrst professor pædagogicus, deretter professor i græsk, og fraa 1607 til sin død i 1624 professor i teologi. Han var mykje av ein polyhistor, og dyrka med like stor dugleik filosofiske disiplinar, astronomi, naturkunnskap, retorikk, som dei gamle spraak, græsk og hebraisk, og fyrst og fremst teologi, serleg den systematiske. Samtidi undra seg over, at vaart land kunde fostra ein mann som den "fromme Doctor Kort": "

O Norge, det er dig stor prijs,

Du saadann' Mend oss sendte,

Fra Klippen graa, fra huden ijs,

Huo skuld' sligt der fra vente?" 41)

Kort Aslakssons fyrste skrift, ei astronomisk avhandling "de natura coeli triplicis" 1597, er karakteristisk ved at han ikkje byggjer paa Bibelen aaleine, men freistar aa sameina resultati aat naturvitskapen med læra aat Bibelen - eit drag som ogso sermerker andre av hans seinare skrifter. Han er den fyrste nordmann, som hev skrive ein hebraisk grammatikk, 1606. Og han gav ut ei lærebok i talekunst, "de dicendi et disserendi ratione", 1622, ogso den fyrste i sitt slag av ein norsk forfattar, - med reglar og rettleidingar for akademisk fyredrag og ordskifte, - ei bok som det vart lagt so mykje merke til, at ho straks kom paa den romerske Index librorum prohibitorum (dekret av 29. okt. 1622), - av kva grunn det no kunde vera.

Som lærar og skribent hev han ein framifraa plass, naar det gjeld form og framstelling. Alt hans eldste biograf gjev honom lovord for den

lette og aaskodelege maate som utmerkte hans fyredrag. Han h yrde til dei som sette stort verde paa den franske filosof og pedagog Petrus Ramus (Pierre de la Ram e), - ein mann som stod i opposisjon til den raedande aristotelisme i vitskapen og sikta paa ei forenkling av den aristoteliske logikk og s kte aa motverka den ufruktbare formdyrking ved aa sameina logikk og retorikk til ein vitskap, dialektikk, og aa leggja ei hovudvekt paa den praktiske og levande bruk (usus) av den filosofiske metode.<sup>42)</sup> Ramus var ein skarp motstandar av Aristoteles, og det er daa ikkje aa undra at Kort Aslaksson var oppgl dd for Platons filosofi.

Men det er fyrst og fremst som teolog, at Kort Aslaksson hev utmerkt seg og gjort seg fortent til eit namn i vaar kyrkjesoga. I sine teologiske fyrelesningar 1608-12 framstelte han loci communes theologici.<sup>43)</sup> Han naadde ikkje til aa gjeva ut noko samla system. Men i ei lang rekkja disputasar hev han fyrehavt einskilte l restykke: um skapningi, um verdi, um syndi, um opphavet til syndi, um den frie viljen, um Gud, Guds namn, trieiningi, um Christus som Gud og menneske, hans person og embete, um Guds skrivne ord, um Skrift og Tradisjon. Han gav ei l rd framstilling av den mosaiske Physica og Ethica, naturkunnskap og sedel ra, som han fann samstavande med den kristne. Sine fyrelesningar um utveljingi til det  velege liv og um Guds naade i Christus gav han ut i dansk umsetjing (1612). Forutan ti akademiske homilior hev me fraa Kort Aslaksson den talen han heldt ved hundradaarsjubileet 1617 til minne um Luthers kyrkjereformasjon. Talen, som gjev ei oversyn over kyrkjesoga i Tyskland og Danmark-Noreg i hundradaaret sidan 1517, kom ut, saman med ein kronologisk tabell over hendingane, paa latin 1617, og paa dansk 1622, under titelen "Theologiske oc Historiske beskriffelse Om den Reformerede Religion Ved D. Marten Luther. Huorledis den f rst i Saxen, Siden i disse tvende naffnkundige Kongeriger, Danmark oc Norge vunder 4 mechtige Konger...Er Plantet, Tilvoxen, Forfremmit oc Bevaret." Det fyrste kh. arbeid av ein nordm. etter ref.

Baade filosofisk og teologisk inntek Kort Aslaksson ei serstilling som er av interesse. Filosofisk ein tilhengjar av ramismen kjente han seg teologisk mest tiltalt av Melanchton. Men framfor alt var han, sovel i sin filosofi som i sin teologi paaverka i visse maatar av kalvinismen, - han hadde studert ved fleire reformerte universitet, og hadde tileigna seg tankar derifraa. I alle kristelege hovuddogme stod han nok paa godt luthersk standpunkt - soleis i pr destinasjonsl ra - ; men i meir underordna eller spesielle spursmaal, serleg paa grenseumraadet millom teologi og naturvitskap, uttala han stundom meiningar som fall saman med eller n rma seg l ra aat kalvinske teologar.<sup>44)</sup> At han forkasta exorcismen, sa seg difor sj lv. Og ein skolastisk luthersk ortodoksi, strengt gjennomf rt til dei minste detaljar, var ikkje etter hans hug og hjarta. Han kom derved i ei viss spaning og motsetnad til sin kollega, den mynd-

ige professor Hans Povelsson Resen, den leidande mann i det teologiske fakultetet, ikkje minst fordi Kort Aslaksson, og det med rette, fann Resen uklaar og spissfindig, og han likesom andre maatte klaga over Resens nye og uvanlege uttrykk. For Resen var hovudsaki ei ubøygjeleg hevdning av det som han heldt for den reine og rette lutherdom, med avvisning av all opi eller duld vranglæra, serleg av alt som smakte av kalvinisme. Men Kort Aslaksson var ein fredelskande og saktmodig mann, alt anna enn stridsteolog. Det karakteristiske for honom var, som det heiter i minneskrifti ved hans død: "modestia, svavitas, lenitas, humanitas, affabilitas, mansvetudo, decor."<sup>45)</sup> Han heldt seg heller i bakgrunnen, og bøygde heller undan, enn han let motsetnaden kvessa seg til. Han vaaga ikkje sjølv treda fram med kritikk over Resen - men visstnok med rette er Kort Aslaksson tillagt forfattarskapet til ei anonym, uprenta skrift "de novo stylo Reseniano", der det vart paavist kjætteri og misvisningar hos Resen sjølv i trinitetslæra og kristologien.<sup>46)</sup>

Den derimot, som urædd tok bladet fraa munnen imot Resen, var Kort Aslakssons bysbarn, bergensaren M. Oluf Jensson Kock, sokneprest ved Nicolai kyrkja i Kjøbenhavn, i si tid Stavanger kapitels kandidat til Jørgen Erikssøns bispestol. Utan aa leggja fingrane imillom gjekk Kock i 1613 fraa preikestolen laus paa Resens villfaringar, og spara ikkje paa sterke uttrykk og skjellsord: "Skamme dig, skamme dig, og hold din Sladder, din Kaade og næsvise Mund; du est ikkun for Gud en Pebling og Sinke, hvad heller du est Mester eller Doctor."<sup>47)</sup> - "Jeg vil bevise dig med den gode, gamle, graa Bibel, at det er Løgn og Skam og Fantasi, du farer med."<sup>48)</sup> - Kort Aslaksson raadde Kock til aa halda ved, "men forsiktig".<sup>49)</sup> Han vart halden for Kocks "parastates", og Resen hadde ein mistanke um, at Kock eigentleg "skaut andres piler ut."<sup>50)</sup> Resen kunde ikkje lata sitja paa seg dei skuldingane for vranglæra, som Kock slengde ut, og fylgja var ein læreprosess mot Kock, med vidtlyftige forhandlingar fyre dansk kyrkjeleg rett i Kjøbenhavn, og deretter fyre ekstraordinært kongelegt rettertting under fyresæte av kong Christian IV sjølv paa Koldinghus slott, 1614. Prosessen gjekk Kock imot, han vart sjølv funnen skuldig i kalvinsk og onnor vranglæra, og dømt til embetsfortaping og landsforvisning. Kyrkjehistorisk var møtet i Kolding eit viktig vendepunkt - den avgjerande sigaren over kryptokalvinismen i Danmark-Noreg. Og for Resen personleg var domen over Kock ei oppreisning, - og det lukkast honom sidan aa reidegjera for sitt teologiske standpunkt slik, at dei høglærde og biskopane i Danmark - meir og mindre motstrævande - fann aa maatte godkjenna det som rett læra. Dermed var den lutherske ortodoksi sett i høgsætet.

Kort Aslaksson, som paa dei ulike stadier i denne oppgjerd viste seg vikande og forsonleg, la etter denne tid ogso meir for dagen, at han

wilde vera og reknast for god reinl rande. Han gav tydelegare uttrykk for dette i sine seinare skrifter, m.a. ved aa taka avstand serskilt fraa den av dei samtidige teologane som Resen hadde vendt seg skarpast imot, nemleg den arminianske teologen Conrad Vorstius, som ogso meir og meir gleid over i socianismen og tilslutt var avsett fraa sitt professorat i Leiden.<sup>51)</sup>

Den lina som Kort Aslaksson representerte, vart soleis ikkje den sigrande i dansk eller norsk teologi, og det er vanskeleg aa vita kor stor hans innverknad paa samtid og ettertid var. Han ventar enno paa ein inngaaande biografi. Men han fortener ein plass i norsk kyrkjesoga, som vaar fyrste verkelege teolog, - visstnok ingen original eller sterk personlegdom, men ein mottakeleg, fin og l rd mann, med egne meiningar, men utan styrke til aa hevda deim. - For norske studentar var han ein god mann, dei heldt seg gjerne til honom som deira landsmann, og han tok seg av deim.<sup>52)</sup> Sine danske teologiske skrifter tileigna han dei kyrkjelege<sup>53)</sup> og dei verdslege<sup>54)</sup> embetsmenn i Bergen, - han vil dermed, som han segjer, "i nogen maade tilkiende giffue min gode affection mod mit kiere F derne Land oc f de by."<sup>55)</sup>

#### Noter til XII, 1. Leidande menn fyre 1650.

- 1) NR IV, 116. 20/5 1605.
- 2) R rdam, Kbh.Un.H. III, 577-80.
- 3) Slange, Christian IV, I, 228.
- 4) Erichsen, s. 34-41.
- 5) Hatting I, 76. Jfr. Erichsen s. 41.
- 6) R rdam, Kbh.Un.H. III, 735-6. NB. Senning, gard i Sandsver?
- 7) R rdam, Kbh.Un.H. IV, 517.
- 8) Ringsaker-kr nika i norsk Hist.T. 2.V, s. 266.
- 9) NR IV, 187.
- 10) DMag. I, 86; jfr. Erichsen s. 32f.
- 11) Jfr. NR III, 510. IV, 562.
- 12) DMag I, 86; jfr. NR III, 623.
- 13) N. Stiftelser, I, 79, jfr. III, 743 nr. 2.
- 14) J. J. Pontanus, Chorographia danica, citert av Pont. Ann. III, 199.
- 15) Erichsen 23.
- 16) Daae 67.
- 17) R rdam, Arreboe, I, 159.
- 18) II, 37.
- 19) II, 36.
- 20) Les bl.a. II, 218<sub>20-27</sub>, 244<sub>27</sub> - 245<sub>26</sub>, 253<sub>27</sub> - 254<sub>7</sub>.
- 21) Hans Skanke 1709. Kgl.N.Vid.Selsk.Skr. i 19de Aarh. I, 288.
- 22) NBL I.

- 23) Daae s. 88.96.
- 24) KLN II, 893. Ein gut i Hans Bartskjærs hus bar seg som han var for-  
gjord, 1611. Folk tok til aa sjaa syner ("gasten" vart set som  
prest, kjøpmann, hund, svin).
- 25) gast = vond ande.
- 26) Farsotti stansa likevel ikkje fyrr 15 gamle fattige kvinnor som  
gasten gjenom guten nemnde som sine "herskerinder", vart dømt og  
brent.
- 27) Suhms Nye Saml. I, 97. Nye D.Mag. II, 2.
- 28) NG. Visitatsbøger, s. IV.
- 29) N.Hist.T. 2.V, 266.
- 30) Biskop Nils Glostrups Visitatser i Oslo og Hamar Stifter 1617-1637,  
udg. ved L. Daae og H. J. Huitfeldt-Kaas, Chra. 1895.
- 31) Kh.Saml. 3.II, 93-189. Daae, p. X-XIII.
- 32) Dei eldste kyrkjebøker i Noreg: Andebu p. Vestfold, fraa 1623.  
Bragernes fraa 1634. Trøgstad fraa 1645. Tignvoll fraa 1645.  
Vaar Frelsar i Oslo, fraa 1648. Jfr. N.Theol.T. 1905, s. 243.
- 33) Pont. Ann. III etter B.s Systema.
- 34) Hatting I, 77.
- 35) Utg. av C. P. Caspari i n.Theol.T. VII, 1864.
- 36) Theol.T. 3.III, 208.
- 37) Bang, Kh. 382.
- 38) Theol.T. 3.III, 202ff.
- 39) Rørdam, Kbh.Un.H. III, 585-99. F. Bull i NBL. I. B. Kornerup,  
Hans Povelssøn Resen, I.
- 40) Rostock, Wittenberg, Herbora-Siegen (Nassau), Heidelberg, Basel,  
Geneve, Paris, Orléans, Oxford, Cambridge, Edinburgh, St. Andrews.
- 41) Niels Michelssøn Aalborgs arevers i K.A.'s Theol. oc Hist. beskr.  
om den Reformerede Religion, Kbh. 1622, f. lf iij<sup>r</sup>.
- 42) Kornerup I, 155.
- 43) Fyreligg berre i mskr. Thott 227, 40.
- 44) Kornerup 299f. 439-45.
- 45) Rørdam, Kbh.U.H. III, 594.
- 46) Kornerup I, 390. 441.
- 47) Kornerup I, 405, etter KS 3 I, 585.
- 48) ib. I, 406, etter KS 3 I, 589.
- 49) ib. I, 441.
- 50) ib. I, 441-2.
- 51) Kornerup I, 444. 490.
- 52) Rørdam, Kbh.Un.H. III, 594.
- 53) Om Udvalgelsen 1612.
- 54) Om den Reformerede Religion, 1622.
- 55) Ref.Rel., fortalen, 1622.

II. 2. Mot papismen - mot moderkyrkja.

Var Danmark skodeplassen for oppgjerdi med kryptokalvinismen, so ar det fyrst og fremst i Noreg, at slaget vart retta imot den andre store konfesjonelle faaren, mot kryptokatolisismen.

Søknaden fraa Noreg til dei jesuitiske høgskulane i utlandet, som hadde til serleg oppgaaava aa tena den katolske misjon i dei nordiske land, hadde teke til i 1579, - me finn fraa denne tid nordmenn baade i Braunsberg i Aust-Preussen og i Olomonc i Moravia, men samanlikna med den talrike søknaden fraa Sverige til desse skulane var nordmenner lenge berre faa og spreidde. Det vart soleis innskrive: i Braunsberg, i Olomonc

i 1579	2	
1580		2
1587		2
1590	1	

alt 7 paa 12 aar. Ingen av desse kom til aa utretta noko for moderkyrkja i sitt fedraland, sovidt me veit. Den siste av desse, Nicolaus Torvegus, som studerte i Braunsberg i 3 aar, 1590-93, gjekk ut av skulen, fordi han ikkje vilde staa under disiplin, og er no - heiter det i matrikelen - "minister haereticus".<sup>1)</sup>

Danskane fann berre undantaksvis vegen til jesuitiske kolleg fyrr i 1590-aari. Men daa vart det etterhand fleire av dei. Søknaden auka snøgt, og var paa høgdi i aari krigum 1600, og like etter 1600 steig ogso talet paa nordmenn munaleg: Etter matriklane vart det uppteke

Braunsberg	Danskar	Nordmenn	i Olomonc	Danskar	Nordmenn
1596	2		1597	1	
1597	2				
1598	5	1	1598	1	
1599	3				
1600	3				
1601	7	7	1601	5	2
1602	1	1	1602	1	
1603		2	1603		1
	<hr/>	<hr/>		<hr/>	<hr/>
	25	11		8	3

Men me veit ogso um andre som ikkje stend i matriklane, so søknaden hev vore større enn desse tal segjer.

Kongebrevi fraa 1604 som stengte embete i kyrkja og skule i heimlandet for jesuitdisiplar, og fraa 1606 um landsforvisning for Pater Laurentius (Norvegies) og hans fylgjesmenn og andre "av den sekt", forsaadde ikkje aa stansa tilgangen til jesuitskulane, berre aa minka han noko. I aari 1605-13 vart det innskrive

Braunberg 2 danskar, 4 nordmenn  
Olomonc 5 " 1 nordmann.



Søknaden til Wilno hev me ikkje oversyn over, daa ingen ordentleg matrikel eksisterar. Men matrikelen for Braunsberg viser, at mange av disiplane der vart sendt til Wilno for aa lesa vidare, og soleis veit me um 9 danskar og 6 nordmenn, som hev studert i Wilno i aari 1598-1613.

I den same tid hev ogso 2 danskar søkt til Collegium Germanicum i Rom, og 1 nordmann er innskripen ved det jesuitiske universitet i Praha.

Den merkelegaste av dei nordmenn som studerte hos jesuitane i tidi kringum 1600, var magister Christopher Hjort (Cervinus). Han høyrde til ei velvyrd presteslekt i Oslo bispedøme. Far hans var humanisten Rasmus Hjort, provst i Tunsberg, og mori var dotter til biskop Frants Berg i Oslo, og syster til den fyrste kona til biskop Jens Nilsson i Oslo. Christopher Hjort studerte i Kjøbenhavn, Rostock og Wittenberg. Ved universitetet i Wittenberg vart han innskripen i 1592, men i 1593 ved jesuitkollegiet i Olomouc, vart baccalaureus der aaret etter, kom tilbake til Wittenberg og tok magistergraden i filosofi i 1595. Sidan finn me han hos Tyge Brahe paa Hven i 1596, og vaaren 1597 i Oslo, daa biskop Jens Nilsson kallar honom sin serleg gode ven, og gjev honom lovord som "vir egregia eruditione et virtute clarus".<sup>2)</sup> Um hausten same aaret vitja han Braunsberg, - han var daa utset til rektorembetet ved katedralskulen i Oslo, som han venteleg overtok i 1598, - syster hans var gift med lector theol. Hallvard Gunnarsson,<sup>3)</sup> - og her innførte han den moderne undervisningsmaaten, som jesuitane brukte, og som der stod slikt gjettord av. Det heiter difor i ei av deira aarsmeldingar, at "ein nordmann som dei hadde utdانا, heldt skule i sitt fedraland ganske paa jesuitisk maate."<sup>4)</sup> I hans rektortid vart skulen paa Vang (ved Hamar) slaatt saman med Oslo skule, som soleis vart den største i landet.

Men meir enn dette. I sitt hjarta var M. Christopher Hjort blitt ein tilhengjar av den katolske kyrkja, - um han ogso var gaatt over, veit me ikkje. - Men me veit, at han paaverka andre i den leid. Blandt dei var M. Laurits Claussøn Skaubo (Scavenius), dengang professor i pedagogikk ved Kjøbenhavns universitet, sidan biskop i Stavanger. I eit merkelegt brev, som Christopher Hjort hadde med fraa honom til Rektor ved kollegiet i Braunsberg, dagsett Kjøbenhavn 13. oktober 1597, uttala Scavenius, at han ved Hjorts rettleiding og formaning hadde fenge eit aalvorlegt ynskje um aa høyra den sanne kyrkja til, - han hadde alltid havt tvil um religionen i hans fedraland var verkeleg kristendom, - men no, segjer han, "melius edoctus certo nunc scio, unam esse Catholicam Ecclesiam, extra quam non est salus". Han hadde eit brennande ynskje um aa verta medlem av denne kyrkja, men daa han paa grunn av sine vilkaar maa vera der han er, bed han varmt um forbøn.<sup>5)</sup> - Dei jesuitiske aarsmeldingane opplyser, at den norske rektoren "umvendte fleire av sine kjenningar, deriblandt sin eigen broder, som var prest, og at broren sidan sjølv vart jesuit. Denne Christopher Hjorts broder var Jakob

Hjort, som var eit par aar eldre enn honom<sup>6)</sup> og ogso hadde studert i Wittenberg, immatrikulert 1585. Matrikelen for kollegiet i Braunsberg opplyser, at han hadde vore ein framstaaande prest i Danmark, men kom til Braunsberg i 42 aars alder 1601, studerte "controversia" der eit aar, konverterte, vart vigd til katolsk prest og drog heim til fedrelandet "ad fructificandum" - for aa verka for den katolske tru"; - han reknast for ein god mann (bonus vir). - Vidare heiter det um rektoren, at han overtala ein mykje vyrd prest til aa senda sonen sin til eit jesuit-kollegium, og det med samtykke av den sokallte biskopen (approbante pseudepiscopo). Den presten er utan tvil hr. Oluf Faderson, sokneprest i Lier, stamfar for presteslekti Faronius eller Pharo, hans son Jens vart innskripen i Braunsberg 1603.

Samtidig med Jakob Hjort let ein annan nordmann seg skriva inn i Braunsberg 1601, Erland Haldorsson. Han var fraa Trøndelag og hadde fyrr studert i Rostock (1594) og i Wittenberg (1595), og var ei tid præceptor for Jens Bjelke av Austraat.<sup>7)</sup> Han drog sidan fraa Braunsberg til Wilno, vart vigd til katolsk prest og verka i mange aar som sokneprest i ein by nær Danzig.

Brødrane Hjort let seg derimot kalla til prestar i den evangeliske kyrkja i heimlandet, Christopher Hjort 1603 til sokneprest paa Toten, Jakob Hjort 1604 til sokneprest i Onsøy, og avla presteeiden for biskopen i Oslo.

Naar fleire nordmenn enn fyrr i aari nærmast etter 1600 søkte til jesuitkollegia i utlandet, skyldest det dels brødrane Hjort, dels Pater Laurentius Norvegus, som ættast fraa Tunsberg likesom dei og hadde slekt der ikring, - kanskje ogso presten Erland Haldorsson.

Blandt dei nordmenn som i denne tid drog ut til jesuitane, var det sume som gjekk over til katolicismen og vart derute i framandt land. Ein av dei bar namnet Hjort, Martinus Cervinus, som i 1602 gjekk ut av kollegiet i Braunsberg, drog til Danzig, og sidan vart kartusiensarmunk. Tvo bar namnet Stang: Laurentius Stangius vart i 1601 20 aar gamall innskripen i Braunsberg, drog til Wilno i 1605 og vart siden prest i byen Mohilew i storfyrstedømet Litauen (no i Russland). Georgius Stangius, innskripen i Braunsberg 1605, 19 aar gamall, gjekk inn i jesuitordenen og vart katolsk sokneprest. Sigvardus Isopedius kom i 1613 til Braunsberg fraa Wilno, 26 aar gamall, og gjekk sidan i kloster.

Andre vitja jesuitkollegia ei tid og slo seinare inn paa ymse vegar. Petrus Alphæus (Peder Alfsson) fraa Oslo vart innskripen i Braunsberg 1601, og i Olomouc 1603, der han tok baccalaureusgraden i 1605. Fleire aar seinare møter me han paa studieferd ved vesteuropeiske universitet, til Leiden 1609, fraa Oslo 1610, til Orleans 1611, til Padova 1613, til Leiden 1614, til Basel 1615; han la seg etter medisin og rettsvit-

skap.

Adelsmannen Hartvig Huitfeldt, son til Anders Huitfeldt paa Tronstad i Hurum, kom - etter eit aars studium i Wittenberg<sup>8)</sup> - i 1601 til Olomonc og let seg skriva inn ved jesuitkollegiet (Rotenko) der, saman med ein dansk slektning<sup>9)</sup> og deira danske hovmeister Johannes Malachus,<sup>10)</sup> som fyrr hadde studert i Braunsberg.<sup>11)</sup> Huitfeldt var i Olomonc ei tid<sup>12)</sup> - og var sidan alltid ein ven av den katolske kyrkja. Ved giftarmaal vart han (1608) eigar av garden Skjelbreid i Fiskum paa Eiker, vart med tidi befalingsmann over Eiker len og berghauptmann i Noreg, sidan lensherre over Rakkestad len m.v., død 1637.<sup>13)</sup> Ein bror av Hartvig Huitfeldt vart prest i jesuitordenen.<sup>14)</sup>

Oluf Nilsson fraa Lier (Olaus Lidderus) kom til Braunsberg 1602, og fór 2 aar seinare til Wilno. Sidan kom han att til Noreg og tente under Kalmarkrigen som kaptein. Andre misser me heilt av syne: Halle Eskilsson (Halens Eschildi) fraa Oslo, som vart innskriven i Braunsberg 1603 og drog til Wilno aaret etter. Severinus Johannis, dimittert fraa Braunsberg 1607.

Blandt dei norske studentane i Braunsberg var tvo slektningar av Pater Laurentius Norvegus, hans systerdottersøner, søner til presten Peder Jørgensson i Sem ved Tunsberg: Nils Pedersson (Nicolaus Petrus) kom 1601 16 aar gamall til Braunsberg, drog sidan heim til Noreg - kanskje i fylgje med P. Laurentius 1606, - men kom att til Braunsberg, og for i 1608 til Wilno. Jørgen Pedersson (Georgius Petrus) vart innskriven i Olomonc 1601 og i Braunsberg 1607, 22 aar gamall. Han gjekk inn i jesuitordenen og vart i 1610 sendt til Wilno for aa studera teologi, men daa Wilno-kollegiet brann same aar, kom han att til Braunsberg, drakk seg full paa marknaden, kom i arrest, og vart sidan sendt burt. Jørgen kom heim til Noreg 1611, og vart huslærer hos adelsmannen Gunde Lange, befalingsmann over Tunsberg len. Aaret etter kom ogso Nils.

Forutan brødrane Hjort var det tvo av Braunsberg-studentane fraa desse aar, som etter ei tid slo inn paa den kyrkjelege embetsvegen i heimlandet. Hermann Hansson (Hermanus Ringius), ein presteson fraa Ringrike, drog til Braunsberg 1601; det var ein svensk student som tok han med seg, nemleg Abraham (Gadolæus) som sidan vart katolsk prest i Polen. Herman var i Braunsberg til kongebrevet av 1604 vart publisert, daa "rømte han hemmeligen fraa dennem om Natter Tide med stor Pericel og begav sig ind i sit Fæderneland",<sup>15)</sup> skaffa seg eit fyremølingsbrev fraa biskopen i Oslo m. Anders Bendsøn til dei høglerde ved universitetet i Kjøbenhavn, studerte der ei tid, tente som famulus hos den nye biskopen i Oslo m. Nils Claussøn Senning, og vart i 1608 kalla til sokneprest paa Nes paa Hedmark.

Jens Olufsson Faronius, som fyrr er nemnt, innskriven i Braunsberg 1603, kom ogso heimatt til Noreg, synest likesom Herman Hansson aa ha

studert vidare i Kjøbenhavn,<sup>16)</sup> og vart i 1609 sokneprest i Tune i Oslo bispedøme.

Soleis hadde i alt fire tidlegare disiplar av jesuitane faatt pretekall i heimlandet, utan at deira studium ved katolske høgskular vart rekna for ei hindring. Den mest framstaaande av deim, M. Christopher Hjort paa Toten, vart til og med forfremja til eit høgare og betre embete, daa han i 1610 vart kalla til slottsprest paa Akershus og sokneprest i Aker.

Det er ikkje lett aa verta klok paa korleis desse præstane no stod til den katolske kyrkja.<sup>17)</sup> At dei alle, fyrr eller seinare, var gifte, læt seg forklaara: Jakob Hjort kann ha vore enkemann daa han fekk den katolske prestevigsla. Og for dei andre som ikkje var katolsk ordinert, var der ingi hindring for ekteskap. Vanskelegare kaann det vera aa forståa korleis menn med katolsk overtyding kunde avleggja den presteiden som kravdest i den lutherske kyrkja, - sjølv um ein reknar med reservatio mentalis. Saki var vel den, at dei ikkje direkte høyrde den katolske kyrkja til, men at dei no som fyrr stod i den evangeliske kyrkja, som dei var fødde i, eller formelt var gaatt tilbake til henne, med eller utan tilbørleg orsaking, men at dei enndaa i sitt hjarta hadde samhug med den katolske læra og hylla katolske meiningar i visse stykke. Kor langt dei gjekk i so maate, veit me ikkje, - der finst ikkje noko vitne- maal um det. Og det hev visseleg vore forskjellig for kvar av dei.

Eit er i alle fall visst: At folk som var eller galdt for aa vera katolikar - eller "jesuiter", som det gjerne heitte, hadde samband med desse prestane - eller umvendt. Hr. Jakob Hjort i Onsøy hadde - heiter det - "meget sin Omgjængelse med" den norske katolske presten ved Danzig hr. Erland Haldorsson. Erland var ikkje jesuit, men gjekk for aa vera det. Ikring 1610/11 eller ved det leite vitja han sitt fedraland, og hev daa rimelegvis gjesta fleire av dei nordmenn som hadde studert ved jesuithøgskulane eller som hadde katolske sympatiar. Soleis hev hr. Erland ogso uppsøkt hr. Herman Hanssøn paa Nes og fekk preika i kyrkja der. - Ein annan sokalla "jesuivit" som vitja hr. Herman i hans fyrste presteaar (1608/9) var ein person ved namn Lauritz Mogensson.

Kvar denne Lauritz hadde studert, er uvisst.<sup>18)</sup> Han var ei tid præceptor hos den danske adelsmannen Peder Hundermark paa Gjerdrup, Hartvig Huitfeldts slektning, som hadde studert saman med Huitfeldt i Olomouc. Sidan hadde Lauritz kome paa det svarte brett: ved eit pretekalent i Danmark 1606 møtte han upp og gjorde spetakel, og "som det hellige Ministerii Foragter og Bespotter" vart han difor av konsistoriet dømt til "med Vanære at relegeres fra universitet" og vart straffa med aa "holdes en Tid lang i Lænke til Arbeide".<sup>19)</sup>

Vidare er det aa merka, at det i 1612 vart innskrive ein nordmann ved jesuitkollegiet i Olomouc, Olaus Bergerus Asloensis. Under dette

sermerkte namn kjenner me att biskop Jens Nilssøns "dreng" Oluf Byrgerssøn, som fylgde biskopen paa visitasreisorne 1593-97 og førte hans dagbøker i pennen, prestvigd 1605.<sup>20)</sup> Me stussar ved aa sjaa ein norsk prest søkja til ein katolsk høgskule paa denne tid, daa slikt var forbode av kongen. Men det er ikkje so underlegt enndaa, naar ein fær vita, at hr. Oluf Byrgerssøn i 1610 var hjelpeprest hos slottspresten paa Akershus M. Christopher Hjort.<sup>21)</sup>

Der kunde soleis vera ymse orsaker til, at det hekk ein mistanke paa fleire prestar for løynleg katolisisme. Serleg var hr. Jakob Hjort "berygget for at være katholsk"; men det same galdt hans brødrar, som "udi lige Maade var berygtede at være katholske", ikkje berre Christopher, men ogso den yngste, Evert Hjort, sokneprest i Stange paa Hedmark;<sup>22)</sup> det er elles ukjent at Evert skulde ha studert hos jesuitane.<sup>23)</sup>

Biskopen i Oslo, M. Nils Claussøn Senning, heldt skarpt auga med dei prestane som hadde ord paa seg for aa vera katolske. Me kjenner til korleis han tok det med hr. Herman Hanssøn paa Nes. Det steller ikkje biskopen i noko godt ljøs. M. Nils klaga hr. Herman for at han hadde late "jesuiten" Erland preika. Hr. Herman orsaka med, at han ikkje visste av at Erland var "jesuvit": Biskopen tok ikkje orsakingi for god, men forbaud hr. Herman preikestolen. Presten skaut seg under stadhaldaren, som paala honom aa reinsa seg med eid. Han so gjorde, i nærvær av provsten hr. Jens paa Ringsaker og aalmugen paa Nes, og stadhaldaren heva deretter suspensjonen for hr. Herman. Dette tok biskopen saare unaadigt upp, han hevda at denne sak ikkje kom stadhaldaren ved, men biskopen aaleine, og meinte at hr. Herman dermed hadde "meget forringet hans autoritet". Dette kann vera rett nok. Men for aa koma hr. Herman til livs retta biskopen fleire andre klagemaal mot honom: at han var "gjærne ferdig til at slaas"; at han hadde lyst for tvo folk fyrr dei var trulova, og soleis gjort ein formfeil; at det ikkje hadde gaatt so riktig til med hans eigen ekteskapslovnad; og at han, ein prestmann, under krigen med Sverige (1611) hadde oppmana aalmugen paa Ringsaker til aa gaa imot fienden. Hvis presten vilde segja seg skuldig i alt det biskopen klaga over, skulde han faa preikestolen att. Dette fann hr. Herman gjekk hans æra for nær og nekta. Biskopen tilsa honom igjen preikestolen, men tok uppatt sine klagemaal og kravde at hr. Herman skulde møta for biskopen i Oslo. Presten lova det, so sant hans "anklagere" òg vart stemnde. Biskopen sa seg sjølv vera hr. Hermans "anklager" og skjellte honom for ein "løgner og skjelmer". Hr. Herman nekta daa aa møta for biskopen som domar, naar han og var hans "anklager", og aa overgjeva honom sitt skriftlege svar "at drøbe mig selv med", og vendte sig igjen til stadhaldaren med ei bønnskrift, 4. februar 1612. Kva som vidare hendte i denne sak, er ukjent. - Det er tydeleg nok at hr. Herman hev ottast

for aa sleppa biskopen innpaa seg, - han hev skyna at han var umsynslaus, og kanskje ikkje so nøgjereknande med midlane.

Sannsynlegvis hev ogso brødrane Hjort faatt merka at biskopen var etter deim. Hr. Jakob Hjort, som truleg hev havt mest aa gjera med hr. Erland, hev kjent jordi brenna under føtene. Han for fraa landet visstnok i slutten av 1612,<sup>24)</sup> anten er han blitt suspendert av biskopen eller han gav sjølv upp sitt embete.

Der kom no - sannsynlegvis fraa biskopen - melding til kongen um, at der i Oslo-(Hamar) Stift var fleire prestar som var mistenkt for katolisisme, og kongen tvila ikkje paa, at menn som Jakob Hjort og Erland "jo adskillige praktiker forehave imod os og vore riger." Den 28. november 1612 paala kongen stadhaldaren i Noreg Envold Kruse, saman med Oslobispen M. Nils Claussøn, aa ransaka og inkvirera um Jakob Hjort og hans brødrar, og aa "fortfare og procedere" baade imot deim og imot "andre slige". Og ifall Jakob Hjort ikkje var heime, skulde dei lata leita etter brev og skrifter i hans hus.<sup>25)</sup>

Resultatet av ransakingi vart meldt til kongens kanslar i Kjøpenhamn, og nokre dokument og brev som var funne, innsendt til kanselliet. Dei tri brødrane Hjort, hr. Herman Hanssøn paa Nes, og studiosus Petrus Alphæus, var alle "for den papistiske Religion mistenkte." Ved kongebrev av 3. mai 1613 vart det paalagt stadhaldaren og biskopen aa forbjoda M. Christopher Hjort preikestolen og aa stemna honom og alle dei andre til aa møta for herredagen i Skien 2. august 1613 og derforklaara seg og lida dom. Og biskopen skulde vidare ransaka, um der var fleire prestar i stiftet, som var mistenkte, og stemna deim og.

Den 17. mai 1613 vart det - etter stemningsboki til herredagen - utferda stemning<sup>26)</sup> mot dei 4 prestane som kongebrevet nemnde, ogso mot hr. Jakob Hjort, som alt hadde gjeve upp sitt kall og fare ut av landet. Fleire personar er ikkje daa stemnde. Den vidare ransaking av biskopen førte til, at ogso tvo andre maa vera blitt sikta, nemleg presten hr. Jens Olufssøn Faronius i Tune, og ein student Mogens Haagenssøn, som me elles ikkje veit noko um. Ein kongeleg forordning av 19. juni 1613 fastsette straffi for den - edel som uedel - som "lovligen overbevises kan at vare sv den papistiske eller romerske religion", nemleg arveløysa, embetsfortaping og landsforvisning.<sup>27)</sup>

Um denne kjøttarprosess, den største i norsk kyrkjesoga, hev me dessverre berre ufullstendige opplysningar. Av rettsaktene eksisterar berre domen over hr. Herman Hanssøn og eit lite fragment av domen over hr. Christopher Hjort.<sup>28)</sup> Elles hev Christian IV's historieskrivar Niels Slange gjeve ei stutt framstilling av saki, ikkje heilt korrekt i detaljar, og sterkt farga og utbrodert.

"Udi dette Aar (1612) begyndte mand udi Norge at fornemme Frugterne

af dend onde Skik som sig nogle Aar tilforn der hafde indsneget, med at sende deres unge Børn til Skoler Udenlands; hvorover Biskopperne for Kong Christian Aar 1604, da hand holdte Herre Dage udi Bergen, klagede. Thi eendeel af denne udsendte Ungdom var allerede igjen til deres Fæderne-land indkommet, som vare saa vel af Jesviterne underviiste og øvede i at skiule dend Papistiske Lærdom og Suurdey; at de ikke alleneste paa dend høye Skole udi Kiøbenhafn bleve holdte for at have dend rette og sande Meening om Gud og hans Ord, men de end ogsaa formedelst deres Kærdom og Skarpsindighed vare blefne forfremmede til et og andet Præstedømme udi deres Fæderneland. Nu de hafde faaet Myndighed at tale offentlig udi Menighederne, begyndte de Tiid efter Tiid at yttre sig: Og hvor snildeligen de end i Begyndelsen meente dermed at ville fortfare, saa var dog dend brave Biskop udi Opsloe Magister Niels Clausen saa aarvaagen en Vægttere paa Israels Muure, at hand strax mærkede det. Dog eftersom disse formedelst udvortes Skikkelighed allerede hafde vundet saa stor Yndist, ikke saa meget hos dend gemeene Mand, som hos eendeel af de Rigeste og derhos noget myndige: Saa lod hand sig derved dog ikke forskrekke; men søgte Hielp hos sin Konge, at dette U-krud med Magt og Myndighed kunde blive udryddet. Kongen beteede sig og herudi saa ifrig, at hand strax lod udgaae en Befalning til Stadholderen udi Norge Envold Kruuse, at hand uden nogen Efterladenhed skulde beviise bemeldte Biskop ald Bistand og Forsvar; og tillige med hannem saadanne Ræfve at lade opsøge, og dennem af Guds Viingard lade udjage. Hvilket ogsaa meget vel lykkedes.<sup>29)</sup>

1613... "fandt hand dennem ikke alleeniste udi Opsloe Bye hos sig selv, men endogsaa her og der, saavel udi hans eget, som udi de andre Stifter adspredte, hvor de sig hafde indgravet. Den første og fornem-este fandtes udi Opsloe Bye, ved Nafn M. Christopher Hiort, Præst der sammesteds. I hvorvel hand med hans tveeharmede, dobbelt meenende og tviflsomme Svar lunge stræbte at dølge dend Forgift, hand giemte under en sødtalende og spidsfindig Tunge, saa trængde Biskoppen hannem dog saa hart med det fyndige Guds Ord, at han omsider maatte ud der med. Hand blef strax dømt fra sit Kald og Embede og forviist Rigerne. Dernest bleve opleedte andre hans Staldbrødre, som baade udi Kiøbstæderne Moss og Laurvigen, saaog her og der paa Landet vare adspredte, saa at omkring Opsloe Bye fandtes ikke mindre end fem saadanne falske Apostler, nemlig Hr. Abraham (d. e. Herman) Hansøn, Hr. Evert Hiort og Hr. Jacob Hiort, begge Brødre til førnefte Anfører, og tvende som ej endnu hafde faaet Præste Kald, Peder Alphæus og Mogens Haagensøn. Udi Stavanger og Bergens Stifter vare ogsaa nogle, men saa snart de bleve røbte, torde de ikke blive der længere, men sneege sig bort af Riget hemmeligen. Alle disse, som nu ere næfnte, bleve udi Skeen fremstillede for Herre-Dagene; til hvilken Kongen hafde ladet kalde alle Norges Biskoper, disse Religions-

Sager med hannem self og hans gode Mænd at forhøre og paadømme. Bendeel af disse Kættene anstillede sig udi Begyndelsen meget hellige og u=skyldige; Men Biskop M. Niels Clausen, som dennem imodsagde, vidste saa mest-erligen at tage Skalkheds-Hammen fra deres Ansigter, hvormed de vare skiulte og formummede, saa at deres Skinhellighed omsider blef bekjendt og aabenbaret. Samtalen imellem Biskopen og dennem varede paa tredie Dag, og alligevel de vare mange, kunde de dog ikke trøtte hannem. Kongen self hørte hannem med Fornøjelse fra Begyndelsen til Enden, og lod sig det ikke vare u=mageligt, at sidde Rættten, fra Morgen til langt ud paa Aftenen. Deres Dom faldt saaledes ud, at de som vare Præste=viiede, bleve dømtte først fra deres Kald og Embede, og fra deres Præste=Dragt, dernest fra ald deres Middeler og Formue, samt Odel og Arf; saa bleve de og strax forviiste inden trende Solemærke at rømme Kongens Riger og Lande, med den Trusel, at der som de der siden nogensteds sig skulle lade finde, hemmeligen eller aabenbare, da skulle de miste deres Hals. De som ikke vare Præste=viiede, bleve alleeniste dømtte fra deres Odel og Arf, saa og med samme Trussel forviiste Rigerne."<sup>30)</sup>

Av domsaktene viser det seg, at det ikkje hev gaatt fyre seg just slik som N. Slange hev skildra det, og heller ikkje slik som ein skulde venta det etter ordlyden av stemningi. Der heitte det at dei fire prestane skulde møta i rette fyre kongen og hans raad ved herredagen i Skien 2. august 1613. Men domboki for retterttinget i Skien inneheld berre verdslege domar, avsagt 13.-21. august. Retterttingsdomarane var kongens kanslar, tri danske riksrader, stadhaldaren i Noreg og Noregs rikens kanslar. Men sakene mot prestane vart fyrehavde fyre kyrkjeleg rett. Det er truleg biskop Nils Claussøn som hev sett det igjenom. Ingen verdsleg domar var med, heller ikkje, som Slange meinte, dei andre biskopane i Noreg. Retterttingsdomarane overdrog ("befalit") superintendenten i Oslo M. Nils Claussøn aa "forfare" sakene mot prestane. Dette skjede i Gjerpens prestegard i nærvær av sju prestar av Oslo og Hamar bispedømme, og det samtidig med herredagen; domen over hr. Herman Hanssøn er avsagt der den 18. august 1613. Dei sju prestane som sat i retten med biskopen, var:<sup>31)</sup> M. Finn Siverdssøn,<sup>32)</sup> provst i Tønsbergs len; hr. Jens Jenssøn, sokneprest i Bamle og provst over Bratsbergs len; hr. Hans Jørgenssøn, sokneprest i Skien; hr. Peder Hanssøn, sokneprest i Eidanger; hr. Adrian Hanssøn, sokneprest i Haabøl; hr. Mats Pederssøn, sokneprest paa Toten; og hr. Henrik Anderssøn, sokneprest i Gjerpen. Ikkje biskopen sjølv heldt forhøyret, som Slange segjer, men ein av dei 7 prestane, hr. Henrik Anderssøn.<sup>33)</sup> Men biskopen aaleine avsa domane.

Under forhøyret var det retta 14 spursmaal til hr. Herman Hanssøn. Det vart daa opplyst, at han hadde vore fleire aar hos jesuitane i Braunschweig, og det som paveleg alumnus (d.v.s. paa pavens kostnad). Men han hevda, at han "aldrig i sine dage" var "pavens religion tilgeneget". -



Han hadde i 1604 skrive tri brev til sin landsmann Erland Haldorsson. Med det fyrste av desse hadde Jens Pharonius sendt Erland eit katolsk bilæte. Verre var det, at Herman sjølv i det andre brevet uttala, at hans fedraland var undergjeve helvete og helvetes her og var overvunne av djevelens list og bedrag, men at han (Herman), um det kravdest, vilde ofra liv og blod for aa frelsa fedralandet ut or myrket og villfaringi. Og i det tredje brevet hadde Herman sagt, at kongebodet av 1604 imot deim som studerte hos jesuitane, ikkje var nokor lov, men ei forderving og pestilense for ungdomen. Hr. Herman orsaka seg med, "at han var ung og uforstandig den tid, og skrev saa, som han hørde dagligen for siges."<sup>34)</sup> Han visste aa namngjeva seks landsmenn som hadde vore hjaa jesuitane paa same tid som honom, og ein halv sneis danskar. Etter at han seinare var komen inn ved universitetet i Kjøpenhamn, hadde han uttala medynk med andre studentar som var blitt avvist derifraa. Sidan han var blitt prest, hadde han havt "conversation" med folk som reknast for "jesuit-er", nemleg Erland Haldorsson og Lauritz Mogenssøn. I hr. Hermans bibliotek var det funne ei katolsk bok<sup>35)</sup> av den kjente engelske teologen Thomas Stapleton, professor i Louvain.

Hertil kom, at hr. Herman i sitt embete ikkje førte seg med det aalvor og den sømd, som høvde seg for ein prest (ikkje teologiske spm. ved forh.). Ved domen tok biskopen ikkje umsyn til, at det meste og det mest graverande som kom fram um hr. Herman, no laag mange aar tilbake; og at han forklaara og orsaka seg. Det vart lagt full vekt paa alt, ja delvis meir enn det, og domen var kategorisk:

"Da efter tiltal, gjensvar og den sags omstendige vilkor, og efterdi det er hr. Herman lovligen over bevist, at han hos jesuiter varit haver pavens alumnus i mange aar, dennom siden været tilgeneyet, spotteligen foraktet den rene religion, Kong. Mait.s vor allernaadigste herris høystfornøden og høyviktigste mandater skammeligen foraktit, imod sitt kjære fæderne land conspirert at vove liv og blod, med uskikkelig liv og levnit sitt kald og embede besmittet, bør han efter Kong. Mait.s vor allernaadigste herris udgangne mandater sitt embede og kald kvitt at være, ikke heller tilstedis at gange i arv med sine søskinde eller medarvinge, men inden tolv uger rømme landit, saa fremt han ei siden vil stande sin egen fare."<sup>36)</sup>

Ein tilsvarande dom vart fellt over M. Christopher Hjort. Ordlyden av domen er ikkje kjent, men innhaldet var - som han sjølv uttrykker det - "fordi jeg haver havt gemenskap med pontificiis, at jeg derfor efter Kongl. Mait.s udgangne prentet patenter skal være av mit kald og landet forvist".<sup>37)</sup>

Men Christopher Hjort hevda,<sup>38)</sup> at han ikkje, soleis som den kongelige forordning av 1613 segjer, kunde "lovlig overbevises at være av den papistiske eller romerske religion". Han innrømde, at han i sine

studieaar hadde havt "omgjengelse" med papistane. Men av det kunde ein ikkje slutta at han sjølv var papist. Han viste til, at papistar og lutheranar budde saman i Praha, Olomonc og Wien og andre stader, utan aa forandra si tru heile sitt liv; og det at han under si vandring i Tyskland hadde vore "indifferenter baade hos den ene og de andre", kunde ikkje gjera honom til "aldelis pontificium og ikke lutheranum". I sine embete i skule og kyrkja i heimlandet var han "aldrig befundet med noget papisteri at have omgaaet", men hadde halde seg etter den Augsburgske konfession, og var ingen pontificius bevist at vere." Men hans argumentasjon var utan verknad.

I retten vart det elles lagt fram imot honom eit provsbrev<sup>39)</sup> av den kapellanen som biskopen hadde sett til aa styra hans kall under suspensjonen; det gjekk ut paa at han hadde forsømt sitt embete ved aa nekta aa fara i soknebud til ein sjuk bonde i Sørkedalen. M. Christopher fann at denne skuldning gjekk hans æra for nær, so mykje meir som ho var usannferdig og gav opphav til falske rykte. Han reiste difor sak mot kapellanen for lagretten i Aker. Domen som vart avsagt av 12 Akersbønder og tingskrivaren, 13. november 1613, gjekk kapellanen imot; han vart ilagt stor bot og sakskostnader, men appellerte til Oslo kapitel. Det vart opplyst, at kapellanen hadde skrive provsbrevet etter paalegg av biskopen, og daa kapellanen soleis hadde handla etter ordre av sin fyresette, vart han frikjend av kapitlet, 10. januar 1614. Det karakteriserar biskopen, at han ogso mot M. Christopher brukte klagemaal over hans embetsførsla, og det paa so tvilsamt grunnlag, for aa fella honom i kjøttarprosessen.

Hr. Jens Olufsson (Pharonius) sokneprest i Tune, vart likesom dei andre "dømt fra sit Kald og Embede, saa og at udvige af Riget, formedelst han udi jesuitiske Skoler haver studeret og været opdragen."<sup>40)</sup>

Hr. Evert Hjort, sokneprest i Stange, synest derimot aa ha sloppe vel ifraa søksmaalet, han vart sitjande i sitt embete<sup>41)</sup> til sin død 1653.<sup>42)</sup>

Ogso studenten Mogens Haakonsson maa vera blitt frikjend. Faa aar etter finn me honom nemleg som sokneprest i Mes paa Hedmark.

Nokon dom over dei fraaverande er ikkje blitt fellt. Hr. Jakob Hjort, sokneprest i Onsøy, hadde "frarømt" sitt kall, og kongen utnemnde hans ettermann i 1614.<sup>43)</sup> Studenten Petrus Alphæus laag utanlands paa studium (i Padova) og var utanfor rekkjevidd.

Med aksjonen imot dei papistiske prestane i 1613 var hovudslaget mot kryptokatolisismen vunne. Denne retning var ikkje dermed utrydda, der fyrekom ogso i 1620aari saker mot personar som halla til katolisismen. Men det var no tydeleg slaatt fast, ikkje berre ved lov, men ogso ved dom, kva fylgjor det hadde aa gjeva seg i lag med jesuitane. Den "jesuitiske religion" var ein forboden religion, som det var høgaste straff for aa tilhøyra. Kongebodi mot papistane av 1613 og mot jesuitdisiplane av

1604 vart upptekne i Christian IV's "lille recess" av 31. mars 1615 § 1.

Kva vart det so av dei utlæge norske prestane?

Av hr. Jakob Hjort misser me heilt sporet.

M. Christopher Hjort vitja i april 1614 til avkil sin ven hr. Paulus Thrane, sokneprest paa Nes paa Romerike, drog deretter ut av landet, og døydde i Danzig 1616.<sup>44)</sup> Sin 13 aar gamle son Rasmus sette han i skule i jesuitkollegiet i Braunsberg, 1615.<sup>45)</sup> I 1619 gjekk Rasmus Hjort ut av skulen, for heim til Noreg, bar seg ille for Oslo kapitel over at han i sine umyndige aar var sett i Braunsberg skule, og vart uppteken i Oslo skule. Seinare finn me han som sokneprest i Nes paa Hedmark.

Hr. Jens Olufsson (Pharonius) drog til Rostock, men fekk alt i 1617 løyve av kongen til aa venda heim til Noreg for "som en privat Person at søge sin Næring og Bjæring".<sup>46)</sup> I 1622 fekk han fullstendig oppreisning. Han hadde i mellomtida stelt seg "christeligen og vel" og faatt mistanken lagt fraa seg, og "mange godtfolk" søkte difor kongen um at han igjen kunde faa presteembete; det gjekk kongen med paa, og den 18. oktober 1622 fyre Oslo kapitel lova hr. Jens "med Haand og Mund og stor Andagt" at han aldri meir skulde gjeva grunn til mistanke um "den jesuitiske Religion"; biskop Glostrup sette han til succentor og tolvpredikant ved Oslo domkyrkja.<sup>47)</sup> Tvo aar seinare fekk han embetet som slottsprest paa Akershus og sokneprest i Aker. D. 1630.<sup>48)</sup>

Den laakaste lagnad hadde hr. Herman Hansson. I 1614 overleverte han byfuten i Oslo register over sitt gods,<sup>49)</sup> og drog ut av landet. Han levde utanlands nokre aar - me veit ikkje kvar - i stor fattigdom og elendigheit med kona og fem smaa barn. Daa han fekk høyra eit rykte um at kongen skulde ha gjeve dei utviste prestane lov til aa venda heim, kom han i 1617 tilbake til Noreg. Men ryktet viste seg aa vera ei misforstaaing. Han vart stemnd av stadhaldaren for Oslo kapitel for crimen lasæ majestatis, avdi han utan kongens samtykke var komen att. Den stakars mannen forsvara seg so godt han kunde, og bad um miskunn for sin "uforstand og forseele" i ungdomen, som han var dømd for. Kapitlet vaaga ikkje aa døma i saki, med skaut ho til verdsleg rett, 20. desember 1617. Stadhaldaren stemnde daa hr. Herman fyre borgarmeister og raad i Oslo, og raadstueretten dømte han 17. februar 1618 "udi Kong. Maits. haade og unaade". Kongen paala stadhaldaren aa senda hr. Herman til Danmark for aa innsetjast paa Dragsholm slott,<sup>50)</sup> - eit fengsel som serleg vart brukt for meir uvanlege fangar. Etter at han so hadde sete ei tid paa Vordingborg slott, slapp kongen han laus, 27. november 1619. Men han maatte endaa ikkje venda heim. Han var sidan ei tid i Sverige, og til løn for tenestor han gjorde myndigheiterne i Danmark og Noreg med aa skaffa opplysningar, fekk han umsider koma tilbake til fedralandet i 1626.<sup>51)</sup> Statshaldaren søkte i 1627 kongen um at han igjen maatte faa geistlegt kall eller skuletenesta, men kongen avslo det.<sup>51)</sup> Han slo seg igjenom med

aa halda dansk skule i Oslo, til han i 1629 var tilskikka av stathaldaren som sorenskriver paa Hadeland. Det var han i 4 aar, men sidan atter utan stilling. Han søkte faafengt i 1637 um aa faa prestekall, verka som spion i Sverige, var tingprokurator paa Upplandet, kommanderte grensevakt under Hannbalskrigen, og søkte atter i 1650 stadhaldaren um aa verta sorenskrivar, visstnok utan resultat. Han fekk sanneleg beta for sine villfaringar i ungdomen gjennom eit langt liv i 'trengsel og umskiftningar.<sup>53)</sup>

Dei studentane som laag ved katolske høgskular i utlandet under prosessen i 1613, forstod aa klara seg godt, daa dei vendte tilbake. Oluf Byrgerssøn var heime igjen alt i 1614, han vart straks sett til succentor og tolvpredikant ved Oslo domkyrkja;<sup>54)</sup> og fekk i 1621 Aurskog soknekall, d. 1643.<sup>55)</sup>

Petrus Alphæus, Peder Alfsson, kom heim i 1616 som doctor medicinæ, vart i 1617 utnemnd til medicus og kannik i Bergen,<sup>56)</sup> i 1626 til cantor og medicus og professor i filosofi i Oslo,<sup>57)</sup> og i 1631 til lagmann i Trondheim, d. 1663.<sup>58)</sup>

Ogso imot slektningane til P. Laurentius Norvegus - hans systerdattersøner Jørgen og Nils Pederssøner - vart det innleidt aksjon, riktignok ikkje, so vidt me veit, av M. Nils Claussøn Senning, men mange aar seinare av hans ettermann M. Nils Glostrup. Dei tvo brødrane hadde ikkje fenge eller søkt prestekall i den norske kyrkja, men levde framleides paa Sem prestegard, hjaa sin styvfar soknepresten hr. Henrik Tøgerssøn,<sup>59)</sup> som nok var ivrig lutheranar.<sup>60)</sup> Daa biskop Glostrup i 1622 kom til Tønsberg paa visitas, fekk han høyra um brødrane, og tok deim i forhøyr, i nærvar av provsten i Tønsberg M. Finn Sigurdsson, og dei andre prestane og borgarmeistrane der i byen.<sup>61)</sup> Dei vart klaga for at dei hadde gaatt i skule hos jesuitane, at dei skulde "være den jesuitiske eller papistiske religion tilgedan", at dei skulde "forføre mange av den gemene mann", at dei ikkje hadde brukt nattverdsakramentet sidan dei kom heim att, d.v.s. paa 10-11 aar, og at dei levde sedlaust. Med undantak av det fyrste av desse klagemaal, som dei sanna, og det siste, som berre raaka Nils, gav dei undvikande svar og burtforklaaringar, som biskopen ikkje fann tilfredsstellande. Som grunn til at dei ikkje hadde gaatt til altars, nemnde dei at dei ikkje visste kva som var den rette av dei mange ulike meiningar um sakramentet. Biskopen formana deim til aa lata seg undervisa og gav deim tid til aa tenkja seg um og "rundt ud at erklere" seg for stadhaldaren; i anna fall maatte dei lyda kongens mandat og røma landet. - Kvar det vart av Jørgen, er ukjent. Nils let seg ikkje undervisa, vart likevel verande i landet, og heldt fram med sin lauslivnad. I 1627 bad biskop Glostrup den verdslege øvrigheit i Tønsberg, at dei ikkje lenger maatte "tilstede den papist Nils Pedersen

student at have nogen tilhold" i byen og lenet.<sup>62)</sup>

Men ogso den daaverande soknepresten paa Sem, hr. Laurits Hallvors-son Sthenius, hadde ord paa seg for aa halla til den papistiske lærdom. Sume hev meint, at hr. Laurits kanskje var ein son til humanisten lektor M. Hallvard Gunnerson i Oslo. Men fleire ting tyder paa at han<sup>63)</sup> ættast fraa Baahuslen.<sup>64)</sup> Han hadde studert i Kjøbenhavn (immatr. 1613) og i Wittenberg (immatr. 1617), og der hadde han i 1620 gjeve ut ei stor latinsk tolking av Salomos Høgsong: Speculum amoris divini (372 sidor). Han hadde, sovidt me veit, ikkje vore hos jesuitane, men hadde teke til aa studera katolske bøker i Wittenberg, og heldt fram med det etter han i 1622 var blitt sokneprest i Sem.

Ved visitasen i Botne i 1627 formana biskop Glostrup hr. Laurits "alvorligen om allehaande uskikkelighed som hannem eftersagdes, udi synderlighed om den papistiske lærdom, med hvilken...sagt blev, han saa hemmelig lod sig merke, naar han var iblandt gemene folk udi enighed".<sup>65)</sup> Aaret etter vart hr. Laurits stemnd fyre kapitlet i Oslo og forhøyrte inngaaande av biskopen i nærvær av stadhaldaren Jens Juel og capitulares: dr. Peder Alfsson (cantor), hr. Thomas Laugesson sokneprest i Oslo, M. Oluf Boesson lektor, og M. Trugels Nilsson rektor. Det vart teke vitneprov av fleire - adelsmenn, lærde menn og lækfolk - og der vart gjort husransaking. Hr. Laurits hadde tala nedsetjande og spottande um Luther og Resen og M. Nils Claussen Senning; Luther og Resen hadde forfalska Bibelen, og Senning var fordømt. Hr. Laurits hadde teke parti for paven og keisaren, og han hadde upphøgt P. Laurentius Norvegus og den standhaftige siste biskop av Roskilde. Han hadde hevda, at den papistiske religion var den rette, og underviste folk i den katolske læra; han forsvara helgendyrkingi, skjærselfen, dei gode gjerningane som naudsynlege til frelsa, og Marias syndefridom; han hadde bedt for levande og daude etter preika, og han hadde raadte ei adeleg jomfru<sup>66)</sup> til eit asketisk liv i kyskleik, bøn og faste. I hans bibliotek fanst det katolske bøker, som tilhøyrde anten honom sjølv eller andre, deriblandt liturgiske, - han hadde havt andre bøker millom hender, soleis eit verk um konciliet i Trient, og skrifter av den hamngjetne jesuiten Bellarmin, dei han ogso hadde delt ut, m.a. hans katekisma til soknepresten paa Stange hr. Svert Hjort, - og han hadde gjort suspekterte marginalmerknader og notabener i sine bøker. Hr. Laurits hadde sagt, at der fanst ikkje 2 eller 3 oppriktige eller rettsindige prestar i landet, og folket forstod ingenting av barnelærdomen.<sup>67)</sup>

M. Nils Glostrup tok mildare paa papistane enn hans formann hadde gjort. Hr. Laurits paa Sem vart sitjande i sitt embete til sin død 1640.

Kor sterkt utbreidd den katoliserande retning i vaart land kann ha vore i denne tid, er det vanskelegt aa segja. Slik som tilhøvi var, maatte dei som hylla slike meiningar, vera varsame, og det er meir tilfelle-

legt, serleg gjenom rettssaker, at me - som paavist - fær kunnskap um<sup>^</sup> tilhengjarar av den gamle kyrkja. Det var visseleg ikkje berre blandt prestar og skulefolk og i adelsfamilier at slike fanst, - men ogso blandt byborgarar, serleg utlendingar, sovelsom etter gamall tradisjon blandt bønder og aalmuge. Og der kunde koma til livlege ordskifte, naar talen bar inn paa dette emne.

I 1620 var det i Oslo ein handelsmann, heitte Conrad, som blanda seg i ein samtale med slottspresten og soknepresten i Aker hr. Søren Rasmussen og paastod at den papistiske religion var den beste, fordi han var den eldste. Presten motsa honom, men Conrad vart ikkje svar skuldig. Han bad presten taka vara paa sin preikestol og hugsa paa, at det var ikkje soldatar og Akersbønder han no hadde aa tala med. Det eine ordet tok det andre, men dei tvo motstandarane vart forlikt ved Oslo kapitel.<sup>68)</sup>

Blandt aalmugen var det ikkje vanskelegt aa finna tilknytningspunkt for katolisismen - deira vyrdnad for bilæte i kyrkja var framleides levande, dei heldt fast ved gamle katolske skikkar, høgtida dei katolske heilagdagane, iakttok faste, gjorde pilgrimsferder til stader der det fraa eldre tid pla henda under,<sup>69)</sup> o.s.v. Det er difor ikkje aa undra, at hr. Laurits paa Sem fyrst opna seg for "gemene folk" med sine papistiske meiningar, - der fann han lettast øyra. Han hadde funne "at Børnelærdommen og andet, som Børn og Ungdommen blev udi informeret, Intet havde paa sig, thi dette forstod ikke den gemene Mand, som læste Ponter, Pinter, Pilater, men saa de Crucifixer og andre Billeder, da kunde de bedre derom erindres". Striden mot bilæte i kyrkjorne var enno ikkje slutt, men dei puritanske geistlege hadde ikkje folket paa si sida, - no like so lite som fyrr. Hr. Laurits paa Sem stod visseleg ikkje aal-eine i den tru, at biskop Nils Claussøn Senning var fordømt, "fordi han havde taget et Crucifix paa Alteret i en Kirke og lod oprette en anden Altertavle".<sup>70)</sup> Um presten Hr. Henrik i Sem - hr. Laurits's formann - som hadde kasta ut eit krusifiks av Slagens kyrkja, heitte det at han "blev strax rørt",<sup>71)</sup> d.e. han fekk slag, nemleg som ein Guds straffedom. I 1640 skriv ein katolsk misjonær som vitja vaart land,<sup>72)</sup> at i det heile hekk folket enno mykje ved "den gamle tru" som dei kalla det. Ja det var mange einfaldige menneskje som ikkje eingong visste, at det hadde vore nokor religionsforandring.<sup>73)</sup>

I 1617 heldt den evangeliske kyrkja i Danmark og Noreg stor takkefest til minne um at Luther hadde byrja reformasjonen i 1517. Grunntonen i dette fyrste reformasjons-jubileum - det "evangeliske Jubelaar" - er, som professor Kort Aslakssøn gjev uttrykk for det i sin høgtidstale ved Universitetet i Kjøbenhavn, gleda over aa vera "forløste aff det Romerske oc Papistiske trældoms fængsel",<sup>74)</sup> og ein takk til Gud for, at han av sin naade vilde "fordruffue det Papistiske meere end Ægyptiske tycke

mørcke", og "plante...en christen Kircke" i staden og halda henne uppe i fred utan blodspille og kjættarstrid. Difor er det hans bøn til Gud: "Bevar udi disse, Danmarckis oc Norrigis høilofflige Riger, din Christen Kircke, huilken du med din Søns dyrebare blod forløste, oc tilsted icke, at din arme hiord spredis eller saaris aff wlfuenis indfald, naadelig affuende fra oss Papisters oc Jesuiters, oc andre deris ligis mordgerige opsæt. Forstyrre deris blodgerige raad".<sup>75)</sup>

Det er jesuitane, som staar for tanken som inkarnasjonen av den katolske kyrkja, den store og gruelege faare for den evangeliske kyrkja. Talaren skildrar ei rekkja mord paa og løynraader imot fyrstar i dei seinare aar: mordet paa den franske kongen Henrik III 1589 (av dominikanaren Jakob Clement), mordet paa hans etterfylgjar Henrik IV 1610 (av Ravailles), mordet paa den nederlandske regenten prins Wilhelm av Oranien 1584 (av Balthasar Gerard), forræderiet mot hans son greiv Moritz av Oranien-Nassau, fleire freistnader paa aa taka dronning Elisabeth av England av dage ved gift eller væpna opprør, anslaget mot kong Jakob VI av Skottland 1600, og krutsamansverjingi i England 1605. Og han spør: "Men hvor fra komme alle disse Kongedrab? Kiere hvor fra, uden fra de forderffuelige Jesuiter. Hvor lenge ville i Manddrabeske Jesuiter, afførde all gudelighed, bluferdighed, tuct oc ære, ville i mette eder i de wskyldige Lutheraners blod? Hvor lenge skulle i Kongemyrdere skiule eder wnder den allerhelligste Jesu naffns skiul oc tecke, oc icke skamme eder ved saa wnderfundelig, med swig oc bedrageri at staae effter Kongers oc Førsters Liff, som ere Guds indskickelse, eder til gode, oc det icke vden Rigers oc wndersottens drabelige skade oc affbreck? Huor lenge ville i indgiffue eders disciple dette veneen, at mand fri oc wbehindret maa myrde oc omkomme Lutherske Konger, Førster oc andre aff den Lutherske Religion? Huor lenge ville i med store løffter, store skenck oc gaffuer, dem til saadan whørlig mordeske gierning tillocke, opvecke, tilskunde? I lade eder intet bevege aff det strenge Guds bud, Du skalt icke sla ihiel? Det aller helligste Jesu naffn, som i eder oc eders pack, aff stor Kirckeroff, tileigne, rører det eder intet? Bevegis i aldeelis intet aff det meget de wskyldige Lutheraners blod, som ved eder oc eders wdskud saa offuerflodelig wdgydet er, oc op i Himmelen raaber offuer eder redfærdige heffn oc straff? Naar, O naar skal dog saadan onde gribe ende? Naar naaer det dog maalet op?"<sup>76)</sup>

Jo, svarar talaren, og vender seg til kongar og potentatar: "naar i effter...Christians den IV. exempel vdriffue oc foringe disse Kongemyrdere, disse Basilisker vd aff eders Riger, oc vnder høieste Liffs straff forbyde, at disse, som intet andet ere end all ondskabs oc misdedeske gierningers dybe Svel, aldrig tilstedis at komme inden eders Grentser oc Landemercke".<sup>77)</sup> Difor reknast det som ei serleg velgjerning,



at Gud hev halde si hand over kongane i Danmark og Noreg sidan reforma-  
sjonen og verna deim "fra saadanne Kongemyrdere oc skelmske forrædere".<sup>78)</sup>  
- I ljuset av desse ord kann ein forstaa Christian IV's otte for dei  
norske jesuitdisiplane og deira "Praktiker imod os og vore Riger".<sup>79)</sup> -  
I røyndi hadde Christian IV i sine aatgjerdar imot jesuitane teke fyre-  
døme fraa sin svoger Jakob I av England, som sidan 1604 gjennomførte  
strengje straffelover mot katolikane i England, med bøter, dødsdomar, livs-  
varigt fengsel, eigedomstap; han forlangte av alle katolikar ein tru-  
skapseid som bl.a. fordømte læra um tyrannmordet, og i 1605 baud han  
alle katolske prestar aa røma Irland under dødsstraff.<sup>80)</sup>

Hendingane i Danmark og Noreg var likevel fredelege og ufaarlege  
samanlikna med deim som tildrog seg i andre land. Der var hos oss ingen  
katolske konspirasjonar av politisk art, otten for kongemord var ugrunna,  
og andsvaret for desse vart som vanleg i daatidi einsidig velta over  
paa jesuitane. Men dette karakteriserar den oppskrømte stemning.

Katolisismen - eller papismen - hadde funne inngang igjen hjaa oss  
paa fleire vegar: Disiplar av jesuitar fekk embete i skulen, dei vart  
kalla til prestar, dei søkte aa faa gjeva undervisning ved universitetet  
i Kjøbenhavn, dei var præceptorar for unge adelsmenn som reiste til ut-  
landet for aa studera, eller dei var huslærarar i adelsfamilier. Etter-  
hand var myndigheiterne blitt merksame paa den eine etter den andre av  
desse vegane, og freista aa setja ein stoppar baade paa den eine og  
andre maaten. Skulemenn og prestar var blitt dømt fraa sine embete og  
landsforvist. Ved universitetet vart heimkomne utanlandsstudentar nøgje  
prøvt i trui, innan dei fekk upptreda som lærarar. Og i 1616 paa herre-  
dagen i Kjøbenhavn vedtok kongen med Danmarks riksråd, ei forordning  
um at præceptorar som adelen vilde senda med sine born til utlandet,  
heretter fyrst skulde eksaminerast av superintendenten i vedkomande  
stift.<sup>81)</sup>

Etter aksjonen mot papistane i Noreg 1613 gjekk søknaden til jesuit-  
skulane fraa Noreg og Danmark sterkt tilbake, og det vart no langt sjeld-  
nare enn fyrr innskrive danske og norske studentar der, tildels søner  
av landsforviste katolikar: i Braunsberg 1615 2 danske og 1 norsk, 1617  
1 norsk, 1618 1 dansk, 1623 3 norske, i alt 8 paa 10 aar, - i Olomouc  
1625 1 dansk og 1 norsk. - Heilt slutt var det soleis ikkje.

Ein annan faare utgjorde dei framande katolikane som fraa tid til  
onnor kom til landet - kva no deira ærend kunde vera. Det har visseleg  
vore fleire av slike enn dei som vart oppdaga.

I 1620 ferdast det tvo personar i Noreg og førte "vrang og falsk  
lærdom" blandt folket, sannsynlegvis katolikar. Kven dei var, er ukjent.  
Den eine var dansk og heitte Laurits Nilsson fraa Malmø. Den andre gjekk  
under fleire namn: Theodorus Bera, Theodoricus Major, Theodorus Theselius



Loiolo Bera, og var vissæleg utlending, fransk eller spansk, kanskje jesuit. Kongen paala stadhaldaren og lensherrane paa Bergenhus og i Stavanger og dei fire superintendentane aa fanga deim og faa deim dømt.<sup>82)</sup>

Verksemdi aat jesuitordenen for aa vinna dei nordiske land tilbake for moderkyrkja hadde vore drive i snart femti aar - utan at det enno hadde lukkast deim aa faa fast fot nokon stad. Planar hadde vore lagt gong paa gong, freistnader var gjort atter og atter for aa setja deim i verk, og ein stor flokk ungdomar av nordisk ætt var utdana ved gode skular. Men resultatet var berre, at dei kyrkjelege og verdslege myndigheit-er var vekt til merksemd, deira mistanke var skjerpt, og mistrui auka tid for tid, og ved stadig strengare lover og uppsyn var landi etterhand blitt sogodtsom fullstendig stengt. Daa ein ny vel organisert framstøyt igjen vart gjort, var vanskane difor større enn nokon gong fyrr.

I 1622 vart det planmessige arbeid for aa rekatolisera dei protest-antiske land overteke av det nye mektige centralorgan for misjonen aat den romerske kyrkja blandt kjøttarar og heidningar: Congregatio de propaganda fide, grunnlagt av den framsynte pave Gregorius XV.

Kongregasjonen gav straks dei pavelege sendemenn i Nordeuropa i oppdrag aa lata tilstandet i dei nordiske land granska. Danmark og Noreg reknast til umraadet aat nuntius i Brüssel, medan Sverige høyrde under nuntius i Polen. Alt i juni 1622 siglde tvo belgiske dominikanmunkar ut fraa Antwerpen i dette ærend, nemleg Jakob de Brouwer, rektor ved dominikanarstudiet i Donai i Flandern, og Nicolaus Jansenius, prefekt for skulen i Antwerpen. Over Hamburg og Slesvig kom dei til Danmark, vitja dei største byane ved Øresund, og for tilbake same aaret. Nicolaus Jansenius sendte inn ein utførleg rapport um ferdi; dei hadde funne katolisismen utrydda, der var berre 10-12 katolikar i Kjøbenhavn og 3 i Malmø og Helsingborg.

I Antwerpen fekk dei opplysningar fraa Noreg, som gjekk ut paa, at der i Bergen var nokre katolske kjøpmenn som aarleg siglde til Holland for aa faa sakramenti, der var andre i Trondheim, og katolske seder var enno levande fleire stader hos bønderne.<sup>83)</sup> Utsendingane fyreslo aa senda 7 katolske prestar til Nordtyskland, Danmark og Noreg, derav 1 til Bergen.<sup>84)</sup>

Alt 11. april 1622 vedtok Propagandakongregasjonen, etter fyredrag av kardinal Eitel Friedrich av Hohenzollern, aa senda 8 jesuitar til Danmark og Noreg. Ein dansk katolikk, Nicolaus Hermannus, som hadde opphalde seg i Rom og Spania, skulde føra desse prestane til Noreg og Danmark, og fekk 8. juni 1622 fyremølingsbrev fraa paven til kong Philip IV av Spania.<sup>85)</sup> Um han vart med, er ukjent. Men i slutten av 1622 og fyrsten av 1623 avgjekk der etterhand 11 misjonærar til Norden, deriblandt 7 jesuitar og 2 belgiske dominikanmunkar. Blandt jesuitane var

ein dansk (P. Theophilus Olaus) og ein fraa Slesvig (P. Heinrich Schacht); dei vart fangne av hollendarar og naadde ikkje til Danmark, og drog sidan til Sverige. Men av dei andre misjonærane tyskar og belgiar kom fleire inn i Danmark. Misjonærar 1622\*. Den belgiske jesuiten P. Andreas Jadicus vart snart oppdaga og laut røma. Men tvo andre heldt seg der i lengere tid, nemleg den fyrr nemnde dominikanaren Nicolaus Jansenius og jesuiten P. Matthäus Colen. I Kjøbenhavn fann dei tilhald hos derverande katolikar og umvendte fleire studentar,<sup>86)</sup> og Nicolaus Jansenius hadde til og med ein samtale med kong Christian IV um italienske antikvitetar. P. Matthäus Colen drog til Malmø og tok inn hos den katolske kjøpmannen Arnold Wyswyler (Weisweiler), som overlet tolv hus med hage til misjonen. Men ved eit brev som raaka i urette hender, vart dei oppdaga, husransaking vart gjort, og P. Colen fengsla og utvist, januar 1624,<sup>87)</sup> og samtidig maatte ogso misjonærane i Kjøbenhavn forsvinna. Wyswyler med si tenestekvinna vart stelt for retten og dømt til dauden, og hans eigedom konfiskert. - Misjonen i Danmark tok soleis ein braa ende.<sup>88)</sup>

\* Misjonærar 1622

4 jesuitar utpeika av den rhinske provincialen:

P. Heinrich Schacht fraa Slesvig

P. Theophilus Olaus fraa Danmark ) fangne av hollendarne, i 1623 til Sverige.

P. Joachim Roscius fraa Hamburg,

P. Andreas Nesenius fraa Mark Brandenburg

) til Altona - utdrivne.

P. Justus Fischer fraa den belgiske provinsen

P. Andreas Jadicus S.J. fraa belg. prov.

- til Danmark, oppdaga, rømte.

Theodor Moll, prest fraa Westfalen.

P. Matthäus Colen

- til Malmø, fangen og utvist - kjøpmann Weisweiler avretta.

Ludovicus Carbonelius

Nicolaus Jansenius

Dominicus Jansenius ) brødrar - til Kjøbenhavn, uppsøkte katolikar, umvendte studentar, tala med kongen um itali antikvitetar, - tilbake til Hamburg.

I 1623 grunnla Christian IV riddarakademiet i Sorø som eit universitet for adelsmenn, og søkte professorar til det. Ein nederlandsk jesuit P. Nicolaus van Dyck meldte seg til professoratet i historie og kom til Kjøbenhavn. Men det vart snart oppdaga kven han var, og at han hadde fullmakter fraa paven, og han maatte forlata landet - visstnok umlag ved same tid som dei andre.<sup>89)</sup>

Det vara no ikkje lenge fyrr kongen tok sine raadgjerdar. Daa han forstod, korleis "mange baade aff voris egen och fremmede nation hiemmeligen skulle efftertracte ungdommen herudj riget ath kunde forføre udi

deris troes artickler och børnelærdom", paala han Sjøllands biskop Hans Povelssøn Resen 31. januar 1624 aa halda serleg auga med lærarane ved akademiet i Sorø, at dei ikkje skulde "den der studerende ungdom... hemmeligen bringe till traditioner och vildfarelser" som er imot den Heilage Skrift.<sup>90)</sup>

For aa avverja den faaren som so uventa hadde dukka upp med den katolske propagandamisjon, utferda kongen ein maanad seinare den strenge forordning av 28. februar 1624, som stengte riki for slik verksemd, og tillike hindra all avvikande religionsøving i landet.<sup>91)</sup> Kongen var komen "udi Forfaring, hvorledis den romerske Pave med sit Anhang nu ny-ligen underskedelige Munke, særdelis Dominicaner, Jesuiter og andre, hid i Rigit hemmeligen haver indskikket, som de mange Aar forleden afskaffede Vildfarelser og Superstitiones udi vore Riger og Lande paany sig skulle beflitte at indføre, og dermed Bibelen og Guds allene saliggjørende Ord menniglich at gjøre afhendig (som det hvilket ikke nok udførligen Guds den Allermektigstis Villje og den saliggjørende Lærdom om voris eneste Frelsere, vor Herre Jesu Christo os forestiller), og derimod Pavens Decreta og Menniskelige Traditiones istedet at paaføre." Kongen gav difor fire forbod:

For det fyrste vert det forbode "alle Paviske Munke, Jesuiter, presbyteri seculares og andre saadanne Geislige Personer, under deris Livs fortabelse" aa opphalda seg i kongens rike og land, etterdi dei vaagar seg til aa paatrengja og innføra "ubekjente og uhørte noviteter og superstitiones" imot konfesjonen, ordinansen og kongelege forordningar, og dermed kann vekcja Guds vreide, meinskap og tvedrakt.

Dinæst: den som hyser slike og læt deim utføra sine "romerske Cere-monier og Superstitiones", skal staa til rette for kongen.

For det tredje: "Alle andre Secters hemmelige exercitier, øvelser, prediken og sammenkomst", som strider mot den Augsburgske konfesjon, skal vera forbodne.

Og endeleg forbaud kongen i det heile aa studera i Preussen, daa det viste seg at studentar som drog til Braunsberg, etterpaa tok testimonium ved det evangeliske universitetet i Königsberg for aa løyna at dei hadde vore hjaa jesuitane (Soleis var i 1623 tri norske studentar, alle konvertitar, innskrivne i Braunsberg, og seinare same aar i Königsberg).

Uppdagingi av "den romerske pavis hemmelige anslag" vekte stor glede. Og kort tid fyre hadde kongen motteke ei onnor god nymelding fraa Noreg, nemleg eit rikt fund av sylvmalm - det som vart opphavet til Kongsberg sylvverk. For baae desse teikn paa Guds forsyn og velsigning paabaud kongen 6. mars 1624 ein felles takkefest å alle kyrkior.<sup>92)</sup>

Den rolle som var tiltenkt serleg jesuitordenen og deira høgskular

i den katolske misjon til Norden, var med dette utspela. I Danmark og Noreg vart forbodet mot munkar og jesuitar av 1624 avgjerande for fleire hundrad aar. Det vart staaande ved lag so lenge unionen millom dei tvo land vara, og i Noreg vart det fornya for munkar og jesuitar ved § 2 i Eidsvollgrunnlovi av 1814. Forbodet mot munkar er sidan endeleg avteke i 1897, men eit framlegg um aa avtaka jesuitforbodet møtte enno i 1925 sterk motstand og gjekk ikkje igjenom. So inngrodd var framleides etter 300 aar mistrui mot jesuitordenen.

Blandt dei danske teologane i daatidi kjente professor Jesper Brochmand seg serleg kalla til ei oppgjerd med romarkyrkja. I 1626 byrja han rekkja av sine mange polemiske skrifter imot dei papistiske villfaringane med "Disputationes de præcipuis Christianæ religionis capitibus" eller "Controversiarum sacrarum volumina duo" 1626-27, og deretter vol. III: "de pontifice romano" eller "pontificatus" 1628. Det er serleg Bellarmin, Brochmand vender seg imot. Til folkeleg rettleiding utgav han i 1627 "Undervisning om et Guds Barn uden sin Sjæls største Skade kan den papistiske Religion antage", som hev ein avgjort polemisk tendens og høyrer til Brochmands mest utbreidde oppbyggingsskrifter.<sup>93)</sup> Seinare kom fraa Brochmands hand andre store apologetiske skrifter imot jesuitane, utarbeidd etter oppmoding av kongen.

I den store militære kraftprøva millom dei evangeliske og dei katolske makter i Millomeuropa, som i desse aar var i full gang, - Tretti-aarskrigen - kasta ogso Danmarks og Noregs konge Christian IV seg inn, og upptok i 1625 kampen imot keisaren og den katolske liga. Eit av hans motiv var aa hjelpa den tyske protestantismen, - han kjente seg som vernar serleg for dei evangeliske i Nordtyskland, - Men naar han opna krigen, skjede det ikkje mindre ut fraa politiske interessor, - planar um landvinningar i Nordtyskland, motsetnaden til den oppstigande Østersjøemakt Sverige. - Men krigen gjekk uheldig for Christian IV. I eit stort slag mot Tilly ved Lutter am Barenberge i Braunschweig 1626 leid kongen eit avgjort nederlag, og den eine vanheppa fylgde etter den andre. I aari 1627-29 overfløynde Wallensteins tropper heile Jylland, og den jesuitiske skriftefaren aat keisaren, P. Mullmann, saag alt fram til den tid, daa keisaren skulde underleggja seg heile Danmarks rike og vinna eit tapt umraade tilbake for paven.<sup>94)</sup> I denne tid vert det framsett for pavestolen ein plan um aa atterreisa den gamle tru i Jylland. Framlegget (1629) skreiv seg fraa ein dansk adeleg katolikk, Christianus Laurentius Ørn fraa Arup i Jylland, dengong decanus, sidan domprovst ved St. Stefans-kyrkja i Wien.<sup>95)</sup> - Ved freden i Lübeck 1629 maatte Christian IV gjeva upp tanken paa landvinningar i Nordtyskland og vera glad til, at han fekk hava Jylland.

Der var i denne krig ikkje noko militært samarbeid mellom dei tvo

protestantiske makter i Norden, - av politiske orsaker snarare ei spanning. Men det som ikkje lukkast for Christian IV - aa gjera katolikane avbrekk - det utretta dei svenske vaapen, og deira sigrar hadde fylgjor ogso for Jesuitordenen og dei institusjonar som skulde vera stydjepunkt for den katolske framrykning mot Norden.

Likesom sin far Karl IX næra Gustav II Adolf eit uslökkjelegt hat til katolisismen og serleg til jesuitane. I 1621 inntok Gustav Adolf Riga. Jesuitane som hadde eit av sine "hus" her, maatte daa vika. Ein karakteristisk episode fortener aa minnast. Blandt jesuitane i Riga fann kongen P. Laurentius Norvegus, og tiltala honom med ublide ord: "Lever du enno, din underjordiske gamling? er du enndaa ikkje blitt klokare med din alder? Skal du aldri opna augo, din moldvarp? eller veit du ikkje um den ævelege elden som ventar deg, naar du idag skal døy, - dersom du ikkje vedtek den sanne religion, nemleg den reformerte, som me held oss til - ?" P. Laurentius svara stillferdig: "Eg veit visst, at lutheranarane vert dømt til æveleg straff, men fraa den vonar eg aa verta frelst ved den katolske tru, som eg sannar". Kongen kom med fleire harde ord um P. Laurentius's verksemd, og lova honom fengsel um han kom til Stockholm igjen. Kongen let honom fara til Wilno,<sup>96)</sup> og der døyde han aaret etter, 1622, 84 aar gamall.

Sidan Gustav Adolf hadde underlagt seg Livland, drog han i 1626 inn i Preussen og hertok Braunsberg, og jesuitane med sine disiplar spreiddest til ymse kantar i Polen. Biblioteket aat jesuitkollegiet sendte Gustav Adolf til universitetet i Uppsala. I 1632 fann Christian IV at forbodet mot aa studera i Preussen kunde opphevast. - I 1630-40-aari var Böhmen fleire vendor skodeplass for krigen millom dei keisarlege og dei sachsiske og svenske troppene, og i 1642 vart jesuitkollegiet i Olomonc spreidt.

Etter ei tid, daa fienden var dregen av, kom baae kollegia igang igjen, Braunsberg i 1636, Olomonc 1650. Og me finn daa atter danskar og nordmenn i Braunsberg.<sup>97)</sup>

Dei katolske misjonsfreistnadene stogga ikkje med forbodet av 1624. Tvo gonger til i Christian IV's tid gjorde Propagandakongregasjonen freistnad paa aa setja igang misjon i Noreg, 1626 og 1637.

Ein dansk katolik Georg Jacob Kydius - visseleg i slekt med tvo danskar av namnet Jens Kydius, som tidlegare hadde studert hos jesuitane - meldte, at den norske adelsmannen Hartvig Huitfeldt hadde eit sterkt ynskje um katolsk misjon i Noreg. Han<sup>98)</sup> hadde bedt sin broder, som var jesuit og no var sjelesyrgjar for katolske kjøpmenn i Danzig, um aa koma til Noreg, og det hadde denne sagt seg viljug til. Kongregasjonen vedtok 1626 aa beda generalen for jesuitordenen senda tvo misjonærar til Noreg so snart det var raad.<sup>99)</sup> Um det vart noko av, er ukjent.

I 1637 sendte kongregasjonen sjølv tvo misjonærer til Noreg - ein belgisk dominikanar, og ein nordmann, Johan Martin Rhugius, som var katolsk prest. Denne siste er utan tvil identisk med Johannes Martini fraa Hjertum sokn i Baahuslen, som i 1626 vart innskriven ved universitetet i Kjøbenhavn og var systerson til hr. Laurits Hallvordsson Sthenius prest paa Sem.<sup>100)</sup> Namnet Rhugius kann han ha fraa gaarden Ryk i Hjertum. - Dominikanarmunken for snart tilbake, men Rhugius vart verande i Noreg i fleire aar. Han tok opphald i Larvik; der var det, etter hans opplysning, 12 katoliker, og andre budde spreidt ikring. Den ven, som han heldt til hos, vart truga av biskopen (M. Nils Glostrup) med landsforvisning og eigedomstap, og borgarmeisteren i Larvik fekk paalegg av bispen um aa fanga Rhugius - som han heldt for munk - og lata han halshogga (Denne straff er fyreskrivi i forordningi av 28. febr. 1624, art. 1). Men dei kunde ikkje faa det paa han, at han tilhørde nokon orden, og han ferdast fritt offentleg, serleg etter at biskopen var død (1639). Men han laut likevel visa den største varsemd, og ikkje eingong til sine skyldfolk hadde han vaaga aa openberra at han var misjonær. Han vitja ogso katolske familier i Göteborg. Han freista aa faa ein medhjelpar, men faafengt, og maatte tilsist gjeva upp sitt fyretak. Den pavelege nuntius i Köln fann at Rhugius ikkje dugde til misjonær (1643), og dermed er visstnok denne misjon stansa.<sup>101)</sup>

I sitt dogmatiske hovudverk, "Universæ theologiae systema" 1633, i dedikasjonen til kongen, priste Jesper Brochmand Christian IV for hans kyrkjepolitikk:

"Fra Din første Regjeringstiltrædelse har Du arbeidet derhen, at alle dine Undersaatter tænkte og talte eens om Gud og de guddommelige Ting. Og det har Du gjort med en saadan Fremgang, at de, der afvege i religiøse Meninger, nu vanke landflygtige, langt borte fra de Majestæten undergivne Riger og Lande. En saadan Lykke forstaae kun de ret at skjønne paa, der af Erfaring have lært, hvilken bestandig Pest og Ødelæggelse for Riger en blandet Religion er, som væbner og opflammer Forældre med Børn, Undersaatter mod Øvrighed".<sup>102)</sup>

Tydelegare kann der ikkje talast i denne sak. Og historia viser, at Brochmand ikkje hev sagt anna enn det som var skjet. Norske og danske katoliker var utan fedraland. Deira steg vendte alle utover mot det framande, aldri heimatt.

Det var ikkje noko nytt prinsipp Christian IV innførte.<sup>103)</sup> i tilhøvet til andre konfesjonar. Det var det same som hadde gjeldt sidan reformaasjonen - einskap i religion i landet.<sup>104)</sup> Fraa dette var det aldri sidan gjort noko undantak eller avvik. Undersaattane var alle bundne til den eine konfesjon, som raadde i riket. Og dei framande laut retta seg etter religionsartiklane av 1569, eller fly land.

Noter til XII. 2. Mot papismen - mot moderkyrkja.

- 1) Lühr nr. 216.
- 2) N.Hist.T. 2.VI, 328.
- 3) N.Slektsh.T. IV, 19. Edv. Bull, Oslos hist. I, 518.
- 4) F. Münter, Ref.hist. II, 639.
- 5) Pol. 50, f. 156 r.
- 6) N.Slektshist.T. IV, 17.18.
- 7) KhS 3 I, 748.
- 8) immatr. 1600. Ny Kh.S. IV, 74.
- 9) Peder Hundermark til Gjerdrup, tente 1607-11 i kancelliet, sidan i floten og heren, d. 1611. DAA XV, 210.
- 10) Jfr. Worms Lex. II, 7.
- 11) Lühr nr. 297.
- 12) Examina candidatorum 1605-38: susceptus 1603. - Etter DBL VIII, 155, Daae NHT 3 III, 349, Huitfeldt-Kaas, Fam. H., s. 17, var H. H. i Wittenberg "endnu 1602". Uvisst kva dette byggjer paa.
- 13) H. J. Huitfeldt-Kaas, Efterretninger om Familien Huitfeldt, Kra. 1908, s. 17.37.
- 14) A. Pieper, s. 37. Jfr. Duhr II 1, s. 71<sup>5</sup> : Bernard Witfelt, rektor ved jesuitkollegiet i Emmerich (i Rhinlandet).
- 15) NHT 3 III, 327.
- 16) Kht. C. IV, 771,775. Rørdam KhH III, 177<sup>3</sup>.
- 17) Jfr. L. Daae i NHT 3 III, 332-3.
- 18) Jfr. Lühr nr. 292? H. F. Rørdam, Hist. Saml. o. Stud. IV, 75.
- 19) Rørdam, Kbh.Un.H. III, 178-9.
- 20) Edspr. s. 39: Olaus Byrgeri f. Osloensis.
- 21) Oslo kap. forh. 24/7 1610, s. 39f. Jfr. s. 116.
- 22) NR IV, 478-9.
- 23) Han fekk 9/6 1609 ei studieprebenda av Oslo kapitel, men heldt seg heime og reiste ikkje ut, fekk likevel prebenda utbetalt 30/5 1610. Oslo Kap.Forh. 1609-16, s. 12.29-30.
- 24) Sjaa NR IV, 479.494.514. Jfr. m. N.Slektsh.T. IV, 17.
- 25) NR IV, 478-9.
- 26) trykt i Oslo kap. kopibog 1606-18, s. 162.
- 27) D.K.L. III, 38-9.
- 28) Oslo kap. kopibog 1606-18, s. 147-8.
- 29) s. 327-8.
- 30) s. 354-5.
- 31) KhS 3 I, 340ff.
- 32) um honom sjaa L. Daae, Glostrup s. 134-6.
- 33) Soleis baade i hr. Herman Hanssøns og i M. Christopher Hjorts sak.

- 34) I 1617 sa han um dette punkt: "Jeg var under Skole Disciplin, Færle og Riis og maatte skrive, som mig af mine præceptoribus blev befalet og injungeret, forstod og en føie Ting, hvad jeg skrev; og ere deres scholastica leges saadan, at ingen Breve til Nogen skrives eller forsendes skulle, uden det er med Jesuitarum Villie og Vidskab, og at de samme Breve revidere, corrigere og besegle."  
1618: "Handen udi brevene er min, men ikke compositzen, som deraf erfaris, at jeg aldrig haver kundet skreven saa god latin."
- 35) I "Promptuarium", d.v.s. anten Promptuarium morale 1591, eller Promptuarium catholicum super evangelia 1592.
- 36) Fristen for landsforvisningi var soleis ikkje 3 solemerker, som Slange segjer.
- 37) Oslo kap. kopibog 1606-18, s. 141-2, jfr. 136.137-8.
- 38) s. 142-3.
- 39) Provsbrevet er inntøke i Oslo kap. kopibog 1606-18, s. 147-8, dat. 7. juli 1613. Overset av Edv. Bull, Akers historie, s. 132.
- 40) NR V, 264.
- 41) NR V, 493.
- 42) G. S. Faye, Stange, s. 50-53.
- 43) NR IV, 514.
- 44) Paa hans portrett i Hros kyrkja paa Toten, maala halvhundred aar seinare, stend mottoet: Non tentatus qvalia scit?
- 45) Lühr nr. 461.
- 46) Oslo kap. 25/8 1617. NHT 3 III, 331-2.
- 47) NHT 3.III, 353.
- 48) Edv. Bull, Akers historie, 134-5.
- 49) at godset skulde konfiskerast (Daae i NHT 3 III, 325) staar ikkje i domen.
- 50) NR IV, 691. 1/4 1618.
- 51) NR V, 536f.
- 52) NR V, 584.
- 53) NHT 3.III, 429-31, jfr. 352-3.
- 54) Oslo kap. forh. 29/8 1614, s. 116. I NBL uriktig: 1605 til tolvpred. 1614 til hjelpeprest i Aurskog.
- 55) NBL.
- 56) NR IV, 666. V, 314.353-4.407-8. VI, 10.
- 57) NR V, 538. VI, 197.
- 58) NR VI, 325.
- 59) N.Slektshist.T. IV, 18.
- 60) Jfr. n.Hist.T. 3.III, 344.
- 61) Glostr. Vis. 16-18.
- 62) Glostr. Vis. 21.
- 63) N.Slektshist.T. IV, 20: at L.s syster var kanskje gift i Hjertum i



Bhl.

- 64) 1) dedikasjonen i Spec.am.div. jfr. 2) Oslo kap.forh. 13/10 1614, s. 117, og 3) Kbh.Un.Matr. I, 81, som viser at hans systerson Johannes Martini (Daae 342) var fraa Hjertum sokn i Baahuslen; tilnamnet Rhugius (Daae 343) worde skriva seg fraa gardeb Ryk i Hjertum. 4) L.s bror Martinus, Daae 337.
- 65) Glostr. Vis. 21.
- 66) Anders Friis's dotter, kanskje den same som Sperling nemner 1633, Selvbiogr. 66.
- 67) N.Hist.T. 3.III, 338-44.
- 68) NHT 3 III, 324. Edv. Bull, Akers hist., 124.
- 69) Jfr. NR V, 277. Jfr. Mûnter, Magazin II 4, 44.
- 70) NHT 3 III, 339.
- 71) s. 345.
- 72) J. M. Rhugius, sjaa ndf.
- 73) Pieper 37.
- 74) bl. A (j) <sup>r</sup>.
- 75)  $H\ iij^2 - (H\ iv^r)$
- 76)  $H\ ij^2$ .
- 77)  $H\ iij^r$ .
- 78)  $H\ iij^r$ .
- 79) NR IV, 478.
- 80) Hergenröther III, 697.705. Holmquist <sup>2</sup> II, 357.
- 81) DKL III, 47-8. Paus II, 562.
- 82) NR V, 89.
- 83) Mûnter, Magazin II 4, 44.
- 84) ib. 41.
- 85) DN XVII 1275.
- 86) Jfr. DKL III, 103f.
- 87) Ny Kh S V, 844.
- 88) Pieper.
- 89) Pontoppidan III, 727. Mon.hist.Dan. II, 725-6.
- 90) DKL III nr. 105.
- 91) DKL III nr. 108.
- 92) DKL III nr. 109.
- 93) Upptrykt i Kbh. 1853.
- 94) Helveg <sup>2</sup> I, 351-3.
- 95) KhS. 3 I, 628-34.
- 96) Rostowski-Martinov.
- 97) Duhr II.
- 98) Kydius? Huitfeldt?
- 99) Pieper 36-37.
- 100) N.Slektsh.T. IV, s. 20.

- 101) Pieper 37-8.
- 102) Helveg<sup>2</sup> I, 311.
- 103) I Chr. IV's recess 1643, I.3.1.2, vart uppteke  
1) forbodet mot at papistar kunde arva eller opphalda seg i riki  
(frd. 1613, rec. 1615) og mot studier hos jes., kgbr. 1604, rec. 1615.  
2) forbodet mot munkar og jesuitar (frd. 1624).
- 104) Jfr. Kongebrev 8. jan. 1625, at udøypte og atterdøyparar i Kbh. skal  
lata sine born døypa i vaare kyrkjer eller forvisast landet. Kbh.  
Dipl. V, 72-73 og 73-74.  
- Kongebrev 17. des. 1625, at professorane ved Kbh.univ. ikkje skal  
godtakast fyrr dei hev deklarerert seg til Augustana av 1530. DK1 III,  
117.

### 3. Reformasjon av kristenlivet.

I sin tale ved reformasjonsjubileet i 1617 kalla professor Kort Aslakssøn kongane i Danmark og Noreg sidan reformasjonen "vore Fædrelands Fædre, oc Kirckers, Universitetis oc Skolers Fosterfædre."<sup>1)</sup> Ved dette høve hadde talaren serleg grunn til aa dvelja ved minnet um, korleis kongane som fosterfedrar for kyrkja hadde verka til "den reene og rette Religions Forfremmelse." Og ved det fyrste reformasjonsjubileum kunde det ikkje klagast over at den danske og den norske kyrkje stod tilbake i so maate. Kampen mot kryptokatolisismen og mot kryptokalvinismen var enda med siger for den lutherske retttrunaden, - han hadde vist, at der var vektarar paa Sions murar imot all vranglæra og villfaring, og at kongen gjerne laante kyrkja den verdslege arm. Utetter vart einskapen og reinleiken i læra halden urikka uppe, og strengt gjennomført i det indre fraa øvst og til nedst.

Men det var likevel langt ifraa, at det sedelege tilstandet i kyrkja motsvara denne styrke i rett tru og læra. Der var mangt aa klaga over, og mangt aa bøta. Reformasjonen viste ikkje dei frukter i livet, som der var grunn til aa venta. Det trengtest i røyndi ein ny reformasjon, ein ref. av livet. Det hadde ikkje vanta paa tiltak i den leid fyrr. Snart paa eit punkt, snart paa eit anna var det atter og atter forsøkt med einskilde umbøter. Det som skjer no, er at det vert gjort ein større freistnad paa reform, - ein reform som siktar paa ei gjennomgripande fornying av folkelivet i kyrkja, i seder og gudsfrykt. Men det karakteristiske er, at det nye livet skal framkallast gjennom offentlege raadgjerdar fraa kyrkjestyret, ved kongelege paabod og ordningar. Kyrkjemennerne og fromme leidande statsmenn gaar fyre, og vinn kongen for saki og oppgaaava, og kongen - som kyrkja sin fosterfader - set reformen i verk.

Heile reformen er boren av djupt aalvor, ja av bitter sorg over forfallet. Sterkare enn nokor tid fyrr vekkjest no igjen - serleg i 1620-aari - otten for Guds vreide og straff, og kallet til pønitense lyder paa nytt. Det er serleg trettiaarskrigen (1618flg.) som vart den store vekkjaren. Det er ikkje i den norske kyrkja at denne reformrørsla ovrar seg og gjev seg utslag, - det er i den danske. Men dei tiltak som vert gjort, galdt baae rike, og kom difor vaar kyrkja til gode gjennom sine verknader - likesovel som den danske - , og ho hev gjennom dei ordningar ho fekk istand, sett varande merke i vaar kyrkjelege utvikling.

Hovudreformen - som høyrer 1620-aari til - vart boren fram av ei retning, som paa den tid var utbreidd i den danske kyrkja og hadde fleire tiltalande og megande representantar. Desse menn hadde andre eller fleire interessor enn dei dogmatisk-polemiske. Dei visste at

kristendomen maa røynasr paa onnor vis enn berre gjennom fornufti, - dei ynskte aa sjaa den sanne kristendom bløma i livet og bera frukt, - dei vilde hjelpa folk til aa leva som kristne, - dei stunda etter at Gudsriket skulde verkeleggjerast ikkje berre i namnet, men og i gagnet.<sup>2)</sup> - Bak hovudreformen i 1620aari staar m.a. tvo slike menn - den lærde riksråaden Holger Rosenkrantz, ein djupt religiøs, næstan asketisk natur, og teologen professor Jesper Brochmand, som det laag like mykje paa hjarta aa fremja gudsfrykt og gode seder som aa forsvara den rette læra.

Men hovudreformen hadde si fyrehistoria - i aari fyreaat kom der ei rekkja umbøter som set i samanheng er som ei fyrebuing til den større reformverksemd i 1620aari. Det er ikkje alt sagt med aa kalla desse tidlegare raadgjerder for "uväsentlige kirkelige politianordninger".<sup>3)</sup> Der er eit tydelegt eldre utgangspunkt, eit kyrkjelegt opp- tak som peikar i same leid som reformene i 1620aari, og som direkte eller indirekte hev verka som ein vekkjar til større andsvarskjensla i kyrkjestyringi.

Dette fyrste upptaket til ein kyrkjeleg livsreform er ei klaga over det kyrkjelege tilstandet, som biskopane i Danmark saman med det teologiske fakultetet i Kjøbenhavn gav inn til kongen i 1608<sup>4)</sup> og paanytt i 1610.<sup>5)</sup> Upphavsmannen til denne merkelege klageskrift kjenner me ikkje. Men av underskrivarane høyrde fleire<sup>6)</sup> til Nils Hemmingssøns skule eller var fraa sine studiereisor personleg kjent med reformert kristendom og kyrkjeliv. Blandt deim var tvo nordmenn, biskop Nils Lauritzsøn Arctander i Viborg, og prof. theol. Kort Aslakssøn.

I 1608 var nemleg biskopane samla i Kjøbenhavn med tilføre av prins Christian( V) 's hylling, og saman med dei teologiske professorane maalbar dei daa for kongen denne sak, som - segjer dei - alt lenge hadde brennt deim, og som dei for embetes og samvits skuld ikkje lenger kunde tegja um. Dei var takksame for, at kongen, - (etter sitt valspraak Regna firmat pietas), - heldt den kristne læra uppe etter Guds ord og ordinansen. Men "med stor smerte" var dei nøydde til aa tala um visse ting som merkeleg hindra alt deira stræv i tenesta, nemleg den religiøse likesæla, det moralske forfall, og mangelfulle ordningar i skule og kyrkja.

1. Um katekismeundervisningi heiter det, at ho vart motteki av folket med svevnugskap og motstrævande likesæla; dei eldre var ukunnige, folk paa 40-50 aar kunde ikkje sin barnelærdom, dei forsømte altargangen i 10-14 aar, dei heldt ikkje born og husstand til aa læra kristendom. Her turvttest fyresegner um, kva plikt dei kongelege lensmenn burde ha til aa stydja prestar og deknar, og kva straff det burde setjast for dei gjenstridige. Det er fyrste gong det er tale um aa bruka straff paa

dette umraade.

2. Synder vert ikkje strengt nok refsast. Menn hadde legermaal med 3-4 kvinnor, og kvinnor hadde born med ymse menn 4-5-10 gomger. Mann-drap vart framstelt som naudverja. Ekteskapsbrot vart ikkje straffa. Knappt nokon fann seg i aa refsast av kyrkja for drukkenskap. Det var brukt ein øydeleggjande luksus i brudlaup og andre gjestebod. Guds namn vart stadig ustraffa misbrukt med banning og sverjing.

Mot alle desse forargelege openberre synder var det naudsynleg, at kyrkja fekk øva sin disiplin, og at syndarane etter ein og tvo gongers formaning vart straffa av den verdslege makt.

3.-4. Skulane trengte upphjelp, ved forbetring av dei økonomiske vilkaar baade for lærarar og disiplar.

5. Prestekallingi maatte haldast etter ordinansen og "døri stengjast for den djevelske simoni og annan uorden."

Det er tydelegt nok, at biskopane og professorane venta seg mykje av tiltaket, og at dei la stor vinn paa det, daa dei tok klaga uppatt fyre herredagen i Kjøpenhamn 1610. Ikkje slik, at desse ting tidlegare hadde faatt gaa upaatala fyre seg. Eller at ingenting fyrr var gjort for aa rette på dei. Men forfallet var no verre enn nokor tid fyrr. Klaga hadde ein viss verknad, um ikkje for det fyrste so stor. Der kom i 1610 tvo<sup>7)</sup> kongelege forordningar, den eine mot ekteskap i forbodne led,<sup>8)</sup> den andre mot kostesame brudlaup.<sup>9)</sup> Og universitetet i Kjøpenhamn innskrenkte utgifterne til festmaaltider m.v. ved akademiske promosjonar.<sup>10)</sup> - I andre ting vart der ikkje noko gjort. Den kyrkjelege reformaand hadde enndaa ikkje synderleg tak i dei leidande statsmenn. Og i kyrkja var det den reine læra som framleides, og no meir enn fyrr, upptok interesse og kraft, i kampan mot kryptokatolisismen og kryptokalvinismen. Men sosnart den var over, vart merksemd i at regjeringi paa nytt vendt mot umbøter i kyrkja, baade i dei stykke som den kyrkjelege klageskrifti fraa 1608 hadde peika paa, og i andre. Aari fraa 1615 og utetter oppviser ei heil rekkja kongelege forordningar som greip inn i kyrkjelivet med paabod og forbod og reformer.

Det fyrste steg skjede i 1615 med Christian IV's "lille recess",<sup>11)</sup> som samla og fornya størstedelen av dei eldre forordningar fraa hans eigi regjeringstid, baade um kyrkjelege og verdslege emne. Blandt desse merker me oss her: forbodet av 1593 imot simoni (§ 4), den gamle ordning aa ringja bede- og fredsklokka morgon og aftan i alle kyrkior, fornya 1593 (§ 6), forordningar av 1602 og 1603 mot luksus hjaa adelen ved gravferder (§ 29) og ved brudlaup (§ 27), forordning av 1606 mot barnedrap (§ 25), og dei tvo nystnemnde forordningane av 1610 (§ 26, 28).

Deretter fylgde det i 1617<sup>12)</sup> tri forordningar, ein mot

"skjørlevnet og letfærdighed",<sup>13)</sup> ein mot luksus ved brudlaup og gravferd,<sup>14)</sup> og ein mot trolldom,<sup>15)</sup> -

i 1618 tvo, ein med forbod mot duellar,<sup>16)</sup> ein annan um prestestandet,<sup>17)</sup>

i 1621 tri forordningar mot luksus, tvo mot overdaad i klædebunad,<sup>18,19)</sup> den tridje mot vin i gjestebod,<sup>20)</sup>

og same aar tvo forordningar um reformer i kallingi av prestar,<sup>21,22)</sup> og ei um lauslivnad,<sup>23)</sup>

og fleire um reformer i dei lærde studier.

Tendensen i desse reformer gjeng ut paa aa forbjoda og straffa: aa setja straff der ingi straff var fyrekkrevi, aa skjerpa eldre straffefyresegner med strengare straffer, aa fornøya tidlegare forbod, gjera dei meir detaljert og umgjerda dei med straffer:

Um dei einskilde livsumraade reformene gjeld, er aa merka:

1. Kynslivet. - Legermaal millom skyldfolk i 2dre og 3dje led, som var forbode i ordinansen, men utan nærmare straffereglar, vart halde for "ondt levnet" og "utilbørligt og syndigt væsen", som maatte vekkeja "Guds fortørnelse og straf". For slikt sette no kongen (1610, 1615) strenge straffer, nemleg bøter "efter yderste formue" og landsforvisning. Desse fyresegner vart ogso i 1619 gjort uttrykkeleg gjeldande for Noreg.<sup>24)</sup> For "skjørlevnet og letferdighed" innskjerptest (1617) plikti til openberr skrift, samtidig som det vart sett strengare verdsleg straff for slikt, nemleg i graverande tilfelle større pengebøter enn fyrr, eller fengsel og lekamleg refsing. Forordningi skulde lesast paa preikestolen 2 sundagar i aaret, 4de sundag i advent og palmesundag,<sup>25)</sup> og vart difor sidan uppteki i altarboki. - Men ein maatte ikkje nekta botferdige legermaals-syndarar altarsakramentet, fordi dei av nokor orsak ikkje hadde faatt avgjort dei verdslege bøter med øvrigheiti (1621).<sup>26)</sup>

Paa den andre sida gav kongen i 1622 Oslobiskopen paalegg um, at slike som var bannsett "for sitt forargerlige Levnet", og ikkje vilde avstaa fraa si "Last og Skam", skulde meldast til den verdslege øvrighet for aa faa si straff.<sup>27)</sup>

2. For trolldom galdt framleides - som i millomalderen<sup>28)</sup> - livsstraff for slike som sjølv var trollfolk. Forordningar for Noreg 1584<sup>29)</sup> og 1593<sup>30)</sup> paabaud livsstraff ogso for aa søkja og bruka signekunster, og i 1609 sette kongen livsstraff for finnar og lappar som dreiv med trolldom.<sup>31)</sup> - Likevel gjekk trollkunster stadig i svang - aa signa, maala, mana, bruka "characteres" (magiske teikn),<sup>32)</sup> visa igjen, velja dagar. Folk rekna slikt for indifferent og uforbode, daa det mintest aa tena folk og fe til gagn og heilbrigding. I reformasjonsjubelaaret 1617 fann kongen det turvande aa fornøya dei eldre straffer for trolldom, baade for trollfolk som hadde "med djevelen sig bebundet" eller som "med hannem omgaaes", og for tryllekunnige som øver løynlege

unaturlege raader og kunster. Men for aa koma vondet til livs, vart det no ogso sett streng straff for deira medvitarar og for dei som hadde noko med deim aa gjera (brukte eller let bruka deira raad og daad), nemleg dels offentlegt skrifte og stor pengebot til næraste hospital, - dels livsstraff. Og baade kyrkjeleg og verdsleg øvrigheit vart paalagt meldeplikt, under trugsmaal um aa straffast som medvitarar.

3. Luksus tok ein breid plass i denne reformlovgjeving. Mot luksus hadde det vore kjempa av lovgjevarane like sidan reformasjonen. Alt Christian III forbaud i 1537 brudlaups- og børselgilde med stor kostnad og mange gjester, - eot forbod han tok uppatt gong paa gong og styrkte med pengebøter.<sup>33)</sup> Han forbaud ogso (1547) adelen aa bruka klædnad av gullverka eller sylvverka ty, eller med bordar eller snorer av gull eller sylv, eller perlor, og uadelege folk aa bera fløyel, damask og silke.<sup>34)</sup> - Frederik II søkte aa leggja band paa pyntesjuken aat adelsdamorne,<sup>35)</sup> og forbaud ovkostnad ved adelege folks jordeferd, baade med likkistor, dekorering, traktement og gravmonument (1576),<sup>36)</sup> - sovelsom ved deira brudlaup (1586).<sup>37)</sup> - Christian IV heldt fram i same leid og avgrensa luksus endaa meir ved adelege gravferder (1602) og brudlaup (1603),<sup>38)</sup> - paabod som vart uppattekne i 1615, - og i 1610 fornøya han Christian III's fyreskrifter um talet paa brudlaupsgjester hjaa uadelege og um kor lenge brudlaup kunde vara. -

Men daa det synte seg, at dei eldre paabod um luksus ved brudlaup og gravferd og i klædnad ikkje vart overhaldne, overførte kongen i 1617 ransakingi vedrørande dette livsumraade fraa kyrkjelege embetsmenn - biskopar og hospitalsforstandarar - som hittil hadde havt denne plikt, til den verdslege øvrigheit, dei kongelege lensmenn personleg.

Men hadde renæssansen vore praktelskande, so var barokktidi det enndaa meir. Tendensen eller moden gjekk ikkje ut paa mindre, men meir av luksus og stas, og kongen maatte sjaa sine velmeinte forordningar "med ny paafund idelig at sveckis oc giøris fructløse."<sup>39)</sup> I 1621 søkte Christian IV paanytt aa setja grensor for pyntesjuken, ved aa forbjoda adelen aa bera diamantar og innføra edelsteinar og perlor og dyre kniplingar og aa gjeva kostbare gaavor, - og han sette tilsvarande strengare forbod for dei borgarlege, som gjerne vilde etterlikna adelen. Men aa halda uppe dei gamle reglane eller dei nye krav fullt ut var uraad, og det vart snart lempa litt på dei: det vart løyvt borgarlege aa bruka silke, men av innanlandsk tilverknad, og adelen fekk bera gull- og sylvsnorer.

I 1621 forbaud kongen aa drikka utanlandsk øl i gilde - straks tok folk istaden til aa skjenka vin i gjestebod, baade "clerici-

et" og "borgerskabet" og landsfolk med. Dette var ein ny skikk, og kongen sette straks ein stoppar for han med forbod mot vin i alle slags lag, og paala verdsleg og geistleg øvrigheit aa halda auga med det.

Luksusforbodi reknast eigenleg aa høyra til i den verdslege lov-gjeving. Dei vart i regelen motivert med økonomiske og sosiale omsyn - den unytte, skade og forderv som overdaad i alle former medførte. Dei var tidlegare tildels motivert ogso religiøst, med Guds fortørnelse og straff (1576, 1602). Dette skjede ikkje i dei seinare aars luksusforbod. Men den kyrkjelege klageskrift fraa 1608/10 viser, at saki ikkje difor mindre laag kyrkja paa hjarta.

Men dei viktigaste og hittil vidastgaaande freistnader paa reformer i det moralske liv kom i form av tvo store forordningar, den eine 20. november 1623 um sverjing og heilagbrot,<sup>40)</sup> i 14 artiklar, og den andre 1. mai 1624 um fastarøl, brudlaup, barsel og gravøl, i 40 artiklar.<sup>41)</sup> Med deim byrjar den eigenlege reformperioden, 1623-1629.

Upptaket til dei tvo nemnde forordningane vart gjort i den kongelege propposisjon til det danske riksraadsmøte i Odense i september 1623. Propposisjonen er skriven av den kongelege kanslaren Christen Friis, og riksraadstilraadingi, som ligg til grunn for baee forordningane, av Holger Rosenkrantz.<sup>42)</sup>

Motiveringi for den fyrste reform er religiøs: "Svergen, banden, Guds ord misbrug og de hellige dages vanbrugelse" gjev orsak til "Guds fortørnelse". Ein hev dagleg kjenneteikn paa Guds vrede fyre augo: "dyrtid, krig, oprør og pestilense" i grannelandi; "ulykke og Guds straff er oss paa det næste som i døren." For aa avvenda dette, maa folket formanast til aa halda seg fraa slikt som kann "fortørne" den allmechtige Gud. Riksraadet fyreslo aa "forordne en almindelig kirkedisciplin". Kongen forbaud difor all slag sverjing og banning, geistlege som verdslege skal sjølv lata slikt vera, og setja pengebot eller husstraff for sine undergjevne for det same, predikantane maa i alle gudelege samkvem paaminna dei som sver og bannar, setja upp lista over namni paa syndarane og gjeva ho til den verdslege øvrigheit, for at dei kann faa si straff.<sup>43)</sup> - Kjøpstadsmenn som motviljug framtvar med sovori Guds fortørnelse, skal ikkje kunna taka imot heidersumbod, og ikkje ha rett til aa klaga over skatt, - men skal i tilfelle forvisast byen. Med folk paa landet skal lensherrar og adel ha uppsyn og lata deim straffa.

Paa dei dagar som "til prediken og Guds ord forhandling ere beskikkede", maa ingen gjera arbeid under preika, ei heller etter, utan serleg naudsyn.<sup>44)</sup> - Um heilagdagane skal krohus, krambuder og



verkstader vera stengt.<sup>45)</sup> I kjøpstader maa ikkje byportane opnast fyrr etter preika. Kongens futar og embetsmenn maa ikkje med køyring og arbeid hindra bønderne og deira huslyd fraa aa søkja kyrkja paa heilagdagar. Dei vaksne skal lata sine born og tyende koma til kyrkja for der aa læra og høyra barnelærdoms forklaaring og gudeleg song. Eller, naar vegen er lang, og borni smaa, skal dei samlast paa annan maate med deknen. Biskopane skal innprenta prestane denne forordning, og borgmeister og raad skal hava serleg tilsyn med sverjing, banning og heilagbrot, og med utskjenking av rusdrykk under høgnessa.

Den andre av dei nemnde forordningane regulerte nøgje all kostnad ved festarøl, brudlaup, barsel og gravøl i kjøpstaderne i baee rike: talet paa gjester, prydnad i kyrkja og heimen, klædnad og alt slags utstyr, spelemenn, fylgje, klokkeslett, klokkinging, foræringar, traktement med drykk og mat, etc.etc. Overtreding straffast med pengebot til kongen og byen.

Med krigen vekttest der ei stadig sterkare bots-kjensla hos dei aalvorlege kyrkjevenner.<sup>46)</sup> Serleg djupt og kraftig kom ho til orde hos Jesper Brochmand. I eit brev til Holger Rosenkrantz 8. oktober 1626 skreiv han m.a.<sup>47)</sup>: "Det er kome dit at verdi vender det dauve øyra til alle formaningar. Straff er ventande, og det ikkje ei faderleg straff, men den straff som ventar dei som Gud paa mange maatar hev faafengt kalla til fornuft. Det fyrekjem meg, at den tid ikkje er langt burte, daa Gud vil lata sitt hus verta heilt øyde millom oss. Enndaa vaare fiendar<sup>48)</sup> er blinde i ovtru, so er dei likevel klaartsjaaande i det stykke, at dei med sekk og oska og fasta og stadige bøner og ymse jamvel ofte uturvande lekamspinslor legg for dagen si sorg over aa ha fortørna Gud. Men me, som vaar Herres <sup>ords</sup> I Jhs klaart lyser for, me fraatsar, lever sedlaust, og arbeider berre for aa samla rikdomar. Der er ingen som sukkar, ingen som ropar til Gud for Guds hus, ingen som klæder seg i sekk for kongens velferd, ingen som set Jesus Christus upp mot vaar Gud, naar han no som ei rasande løva bryt inn paa oss med si straff. Nemn meg berre ein, som av otte for Gud og den overhangande refsing betrar sine vegar, held upp med aa fraatsa, sender burt skjækjorne som han hev vant seg til, handsamar sine tenarar mildare enn vanleg, gjev sine pengar til bruk for dei fattige."

Brochmand hadde lenge arbeidt for aa faa innført offentlege bededagar, til aa avbeda Guds vrede og straff. Medan kongen var fraaverande i krigen, skjede dette ved ei forordning av prinsregenten og riksradet utferda 25. september 1626.<sup>49)</sup> Bededagane skal haldast kvar vika eller kva maanad, med bots- og betringspreika, og bøn og song og litani. I kjøpstaderne kvar fredag, paa landet fyrste onsdagen i maanaden i hovudsokni og næste onsdag i annekset. Ved næst

fyregaaande gudstenesta skal folket formanast fraa preikestolen til aa fyrebu seg til bededagen og koma til kyrkja, og det utan "yppigheds pragt". Øvrigheiti skal ha tilsyn med at folk møter fram, under straff for heilagbrot, og husbondsfolk skal tilhalda tenarar og undergjevne aa forretta bededagane og ikkje hindra dei. Fyre bededags-tenesta maa der ikkje gjevast full maaltid og ikkje skjenkjast drykk; kjøp og sal er forbode under gudstenesta; gilde og gjestebod er forbodne um bededagane; brudlaup og barsel kann haldast, men utan drykk og spel og dans. - Baade i preika og i skriftemaalet skal presten paa-minna kyrkjefolket um, at dei kvar gong i heimen skal læra sine husfolk det dei hev høyrte av prestens munn, og at dei dagleg morgon og aftan kvar i sitt hus maa gjera sine bønner og syngja kristelege salmar med kvarandre - hermed vert husandakt paabodi! Forordningi fyreskreiv hovudinnhaldet i bededagspreika og i den aalmenne bededagsbøni. Predikanten skal fyrst skildra korleis Guds vreides ris gjeng fram serleg i andre land, med krig, orlog, blodspille, pest, blodsott, sjukdom, dyrtid, landenaud, - korleis Guds rette og reine ord vert fraateke folk i heile rike og land, - og korleis Gud ogso trugar oss og andre med denne same "allerbedrøveligste plage og straff". Han skal vidare skildra orsaki til Guds vreides rettferdige hemn og straff: nemleg vanvyrdnaden for og forsømingi av hans heilage ord, vaar vondskap, synd og last, vaare ubotferdige og harde hjarto. Og han skal visa det einaste middel til aa undgaa alt dette: aa "vende om igjen til Herren", sanna vaare synder, angra deim, beda Gud forlata oss vaar synd og vonde livnad for Jesu blods og døds skuld, styrkja oss med sin naade til aa venda oss fraa syndi og retta og betra oss, og sidan halda ved med ein rett kristeleg livnad etter Guds ord, og dagleg med heile vaart hus beda Gud avvenda fraa oss eller formilda si rettferdige og velfortente vreides straff og plage.

Bededagsbøni sluttar seg nær til innhaldet i preika, men held ogso fram at Gud maa unna oss sitt ord og si saliggjerande sanning rein og klar og berga oss ifraa falske lærarar og deira arglistige raad og makt. - Bededagsbøni skal biskopane forfatta kvar i sitt stift og prenta til bruk for "den gemene mand".

Vidare vedtok riksraadet i 1627<sup>50)</sup> aa lata prestane formana folket baade i by og paa land til dagleg kyrkjeandakt, nemleg til aa søkja kyrkja kvar dag naar bedeklokka ringde um morgonen (kl. 6), "og der med største andakt at gjøre deris bøn til Gud om hans naadige og guddommelige bistand udi denne sørgelige og elendige tids tilstand, og om hans naadige befrielse fra denne store fare, dennom alle og enhver nu skinbarligen overhenger."<sup>51)</sup> Og prestane skal "dagligen og saa tit slike gudelige exercitia sker, først gjøre en kort og alvorlig formaning til pønitens og bedring, inderlig og hjertelig paa-

kaldelse til Gud, og derefter dennom selver en kort og gudelig bøn forelese." - Dei som hev lengere veg til kyrkja, skal prestane formana fraa preikestolen, at dei med heile sin huslyd dagleg ein gong um morgonen, paa den tid daa bedeklokka ringer, skal falla paa kne i sitt hus "og med deris alvorlige suk og bønner til Gud anholde om hans retferdige vredis naadige formildelse."

Den frukt som var venta av desse raadgjerdar, viste seg ikkje so snart. Ved sendebrev til biskopane 2. september 1628<sup>52)</sup> skreid kongen inn mot "fylleri og deslige uterlighed" paa bededagane og ved altargang, sovelsom mot "den slemme og ugudelige svergen og banden". Han paala presteskapet, ideleg aa motarbeida slikt ved refsing og formaning fraa preikestolen sovelsom ved paamining i skriftestolen, og biskopane aa sjaa til ved visitasane kva frukt dette bar hos tilhøyrarane. Likeins skulde folket formanast til aa bruka fasta og avhald paa bededagane, alle eller ein i kvar maanad, og likeins dagen fyre altargang.<sup>53)</sup>

Med ei forordning utferda same dag, 2. sept. 1628,<sup>54)</sup> søkte kongen aa motarbeida drukkenskapen ved desse høve, ved aa forbjoda all utskjenkning "til saadan overflod", nemleg til aa drikka seg drukken, paa bededagar og altargangsdagar. Dei som gjorde herimot, skulde straffast anten med openberr skrift eller med bøter til hospitalet eller med vatn og braud, - eller med strengare straff, om det skjede forsetleg med Gudsforakt. - Og den som held seg utilbørleg fraa altarsakramentet, trass i aatvaring, finn kongen det ikkje forsvarelegt aa tola i landet, men den verdslege øvrigheit skal ransaka, paatala og døma i slike tilfelle og tilhalda den skuldige aa fara or landet.

Men ikkje nok hermed. Der skulde gjennomførast ein større og meir verksam reform for aa stilla Guds vreide og formilda eller avvenda hans straff. For aa finna utveg hertil nedsette kongen 25. november 1628 ein kommisjon paa 13 medlemmer, riksraad, biskop, professorar og hofpredikanten. Framlegg vart utarbeidd av seks av dei innkallte, tri riksraad, Sjællands biskop og tvo professorar. Den drivande kraft var visseleg professor Jesper Brochmand, men han hadde utan tvil den beste studnad fraa sin fromme kollega Caspar Bartholin, og biskop Hans Povelsson Resen, som sjølv heldt streng tukt blandt prestane og var ivrig kateket, hev ogso gaatt med. Resultatet var den merkelege forordning av 27. mars 1629,<sup>55)</sup> som me den dag idag hev gagn av, idet ho bl.a. innførte tvo viktige kyrkjelege skipnader: medhjelparane, og teologisk embetseksamen.

Forordningi er inndelt i tri kapitel: I. Om kirkens embede og møndighed imod ubodferdige. II. Hvorledes Guds ord og sakramenternes retsindige brug, med andre gudfryktigheds øvelser udi kirker og skol-

er kunde befordres. III. Hvorledes drikken, forargelig omgjengelse og klædedragt hos geistligheden kan reguleres. Forordningi inneheldt baade gamalt og nytt. Ikkje alt var det mogelegt aa setja ut i livet, men .. det meste. Og heile dette lovarbeid er overlag viktigt som uttrykk for den kraftige reformaand som daa rørte seg i kyrkja. I dette kapitel er forordningi hovuddokumentet.

Forordningi konstaterar at folk i desse rike fører ein ugudelegare og forargelegare livnad enn i land der dei ikkje hev lært aa kjenna Guds veg og vilje so klaart som her. Orsaki er for ein stor del - og her er det som ein skulde høyra ei røyst fraa pietismetidi - "at mange i den forfengelige mening befundne ere, at den sande Guds tjenist fornemligen og allene bestaar udi udvortis kirkegang, sakramenternis udvortis brug, sjungen, beden og deslige, uansett deris liv, levnit og omgengelse ikke befindis Guds ords vilje og befaling lig og enformig." Det er saadan "hykleri og falsk Guds-tjeneste og kristendom" som er den rettferdige orsak til Guds vreide og straff, som det gjeld aa avvenda.

Forordningi tek no sikte ikkje paa dei grove synder som vert raaka av verdsleg dom og straff, men paa slike som ikkje so lett kann avskaffast ved "almindelige rettergang", nemleg eksempelvis:<sup>56)</sup> "predikens forsømmelse, helligdags misbrug til gilde, drikke, dobbel, gøglen, fegten eller andet saadant, sakramentens forholdelse over it fjerding, halvt eller helt aar, idelig sveren og banden, Guds ords skemt samt misbrug udi omgengelse, ond forligelse imellem ektefolk, ...saa og forældre og børn indbjurdis, letfærdig skanderen og snak, letfærdig selskabs besøgelse og omgjengelse, rufferi, fylleri, og idelig drukkenskab, ubillig fordel i kjøb og sal, ulovlige aager, gjerigskab, i sønderlighed de som ungdom forføre til drik, dobbel, letfærdighed, overflødighed, bekostning og ødselhed", og elles alt det som det som det i Guds ord er paalagt presten aa refsa.<sup>57)</sup>

Det er formaalet med 1ste kapitlet i forordningi aa gjera "kirkens embede og møndighed imod ubodferdige" verksam ogso paa dette umraade. Formaning gjenom preika er ikkje nok, men det vert innført eit nytt organ for kyrkjetukti ved sida av presten, - eit organ som lettare skulde faa tak i folket, fordi det sjølv gjekk fram av folket. Til "medhjelpere og bistandere" for soknepresten skulde der tilskikkast "nogle af de gudfrygtigste, oprigtigste, ivrigste og beste sognemend"; i byane 2-3-4 eller fleire, fyrst og fremst kyrkje-verjor og fattigforstandarar, eller andre, ogso av borgarmeister og raad;<sup>58)</sup> paa landet 2, som og skal vera kyrkjeverjor.<sup>59)</sup> Uppgaava aat medhjelparane, som dei skal eidfestast paa, skal vera: aa samlast med presten so ofte han ynskjer, aa raadføra honom um aa fremja den kristelege livnaden hjaa soknefolket, aa hjelpa honom naar det

trengst, aa skaffa seg sjølv kjennskap til alt som kann vera "tvil-raadigt" og til alt som kann tens til Guds æra og til oppbygging for kyrkjelyden, og utan mannarnun gjeva slikt til kjenne for soknepresten, under bøteplikt.<sup>60)</sup> Presten skal halda møte med sine medhjelparar fire gonger um aaret, um tamperdagane, og elles so ofte det trengst, og i viktige og tvilraadige fall kann han gjennom provsten ogso tilkalla tvo av granneprestane til raad.<sup>61)</sup>

Det var ikkje meiningi aa gripa inn i den geistlege og verdslege jurisdiksjon,<sup>62)</sup> eller aa avgrensa eller forandra verksemd i aat presten med denne nye skipnaden.<sup>63)</sup> Han gjer si gjerning med kyrkjetukti som fyrr, men i samraad med medhjelparane paa visse punkt. Um framgangsmaaten med kyrkjedisiplinen gjev forordningi utførleg og tydeleg grein. Det er den same skipnaden som kyrkja hadde brukt sidan reformasjonen, og som var fyreskriven i Kyrkjeordinansane (av 1537/39 og av 1607),<sup>64)</sup> men her utforma nærmare i detalj. Presten skal fyrst personleg gjeva syndaren ei "hemmelig, christelig, saktmodig, broderlig" aatvaring og paamining.<sup>65)</sup> Hvis den ikkje fruktar, skal presten, med deknen eller klokkaren og ein til um det trengst, lata syndaren koma for seg og medhjelparane og i deira paa-høyr undervisa og refsa honom.<sup>66)</sup> Møter han ikkje, bøter han 1 dalar til sin husbond eller dei fattige,<sup>67)</sup> - skjer det oftare at han ikkje møter, skal han haldast fraa altarsakramentet.<sup>68)</sup> Aktar han ikkje formaning korkje av prest eller medhjelparar, skal han nektast nattverden og trugast med bann. Nyttar heller ikkje dette, skal presten tidt og ofte gjera bøn og formaning for honom faa preikestolen, og tri sundagar "ljuse til band",<sup>69)</sup> og er ogso dette faafengt, fylgjer bannlysningi.<sup>70)</sup>

Den som soleis er bannsett, faar ikkje vera fadder, ikkje bjudast i "hederlig samkvem", under bøter baade for den bannsette, og for dei som bed honom til fadder eller til gjest.<sup>71)</sup> Men han kann tilstedast aa høyra Guds ord i kyrkja, paa ein stad for seg sjølv. Presten skal elles tidt og ofte formana honom.<sup>72)</sup> Hev han ikkje innan aar og dag late seg upptaka igjen i kyrkjelyden ved offentlegt skrifte, skal han stemnast for landemodet (d.e. stiftssynoden),<sup>73)</sup> dèr ved dom overgjevast til sitt herskap, og forvisast riket.<sup>74)</sup> Meiner den bannsette seg foruretta, kann han stemna seg for kongen og riksradet.<sup>75)</sup>

Naar ein bannsett viser sann hjartans umvending, skal han upp-takast igjen i kyrkja etter høgnessa i nærvær av kyrkjelyden med av-løysning.<sup>76)</sup> - Og den som hev staatt offentleg skrifte, maa ikkje neisast for det av nokon - under pengebot for den som det gjer.<sup>77)</sup> Vert ein bannsett sjuk, kann han faa nattverden um han viser seg

kristeleg fyrebudd. Men døyr ein bannsett utan avløysning, skal han ikkje gravleggjast i kyrkja eller kyrkjegard.<sup>78)</sup>

Der maa ikkje lysast til bann, med mindre ein veit kven syndaren er. Men naar synd vert gjort av ukjende menneskje, skal presten fraa preikestolen beda Gud at syndaren maa verta openberra, straffa og umvendt, og han skal aatvara syndaren um han er nærverande, med aa minna um at synder som ein held løynt, vert "udi himmelen forbeholdne", og formana han til aa halda seg ifraa nattverden inntil han sannar synði og umvender seg.<sup>79)</sup>

Prestar og medhjelparar skal berre forhandla i einrom med syndarane. Dei skal daa paamina, formana, og spyrja ut um hans rykte, men ikkje driva det til verdslegt forhøyr eller rettargang, og ikkje setja upp noko skriftlegt. Møtet skal vera løynt (privat, for stengde dører), og det dei fær vita skal dei halda løynt - presten under embetsfortaping, medhjelparane under pengebot.<sup>80)</sup>

Usenja i hyslydar, eller millom grannar eller vener, kann kvar som hev eit kristelegt hjarta klaga for presten, - eller, naar det ikkje hjelper, for presten og hans medhjelparar, - for at trætta kann verta jamna i det stille og vondt fyrekomast. - Denne skipnaden er i røyndi ein fyrelaupar for forliksraadi - som vart innført i 1797 for aa hindra prosessar.<sup>81)</sup>

Men i si gjerning for aa betra sederne kunde prestar og medhjelparar turva ryggstød, for det var ikkje vandt aa faa folk imot seg. Den som skjellte paa prest eller medhjelparar eller vilde dra deim for retten for den aatvaring eller refsing dei hadde gjeve, maatte venta straff av øvrigheiti.<sup>82)</sup>

Vanskelegast var tilhøvet med adelsfolk.<sup>83)</sup> Standsskilnaden forbaud at dei kunde vera underordna uadelege i noko. Men adelege skulde ikkje difor gaa fri for kyrkjedisiplin. Men dei vart i dette stykke stelt under reint kyrkjeleg øvrigheit. Adelsmenn som laag i openberr synd og last, og som heldt sine undergjevne til arbeid paa helgedagar og bededagar, skulde presten aatvara i einrom, og um ikkje det nytta, melda dei for provst og biskop. Dei skulde innkalla syndaren for seg, og gaa fram imot honom "med band og andet" utan aa gjera mannemun. Det kunde vera vanskelegt nok for prestane aa øva kyrkjektukt mot adelege, serleg i Danmark, der prestekallsretten i mange tilfelle laag i hendene til adelen. Og ein kunde nok ottast, at adelsmennene vilde møta kyrkjektukti med trugsmaal eller maktspraak. For aa stiva prestane upp, truga kongen med avsetjing um dei ikkje gjorde si plikt ogso her, og lensmann og biskop med pengebot um dei saag igjennom fingær hermed.<sup>84)</sup>

Forordningi av 1629 tok ogso direkte fatt paa visse synder. Personar som var mistenkt for lettferdug samlivnad, vart paalagt aa

halda seg ifraa kvarandre, og um dei var ugifte, skulde deø dra paa kvar si leid ut or byen eller heradet.<sup>85)</sup> - Dei kongelege forordningane um offentlegt skriftemaal for lauslivnad (12/10 1617) og um banning og heilagbrot (20/11 1623) skulde presten lesa upp for kyrkjelyden kvart aar, og provsten ved visitas, med formaning.<sup>86)</sup> Det vart paalagt borgarmeister og raad i kjøpstaderne aa setja upp gapestokkar paa torget og andre stader, for dei som banna og svor offentlig.<sup>87)</sup> "All lettferdig og forargelig legen og fastelavnsløben" vart forboden. -

For aa hindra yrkeløysa skulde prestane vera forplikta til, "endog stundum hus fra hus", aa sjaa til, at folk i kyrkjelyden næra seg paa ærleg vis og heldt sine born til læra eller handverk eller onnor tenesta,<sup>88)</sup> og prestane og medhjelparane skulde hava tilsyn med tiggaraar, so dei rette fattige fekk hjelp, men melda dagdrivarar til øvrigheiti, so dei kunde tvingast til arbeid. Vidare tok forordningi upp verksemd i aat kyrkja gjenom ord og sakrament, for at desse kunde paa beste maaten tena sitt formaal, aa fremja eit gudelegt folkeliv.

Fyrst um preika: Ho maa ikkje vera for lang eller vidsveimd, elles keider ho tilhøyrarane, og uppbygger ikkje, - for folk kann ikkje "alt for meget paa en gang befatte og beholde." Presten skal, heiter det, preika "kort og godt", - han skal, som me vilde segja, tala sakleg og praktisk, "eftersom texterne sjelv kunde henføres til troens lærdom samt christelige skik og seder", - og formana med god umtanke.<sup>89)</sup> Og serskilt i likpreikor halda seg til sanningi.<sup>90)</sup>

Dinæst um barnelærdomen. Den gamle ordning, aa nytta siste luten av preiketimen til aa forklaara barnelærdomen, vart halden uppe, - fraa den maatte det ikkje gjerast undantak, iminsto skulde det skje med Luthers eigne ord.<sup>91)</sup> - Utanum gudstenesta skulde presten med deknem gjeva kristendomsundervisning ein gong i vika i ei av soknerne, - sundag eller ein annan dag, helst onsdag.<sup>92)</sup> Er ungdomen forsømeleg til aa læra, skulde presten straffa dei. Men her kom noko nytt til, nemleg plikti aat foreldri. Det skal halda born og tyende til læra og ikkje fraa, og meir enn det, - foreldri bør ogso hjelpa til, og læra ungdomen det dei sjølv fyrr hev lært, sovelsom daglege bøner. Dette skal vera deira plikt, som det er heilagbrot aa forsøma, - ja er dei motviljuge i dette stykke, kann dei straffast med kyrkjedisiplin.<sup>93)</sup> - Ingen ungdom maa stedast til altargang, utan aa kunna sin barnelærdom, - og det ikkje berre kunna, men ogso forstaa og vita "at finde den rette mening i hjertet derav." Dertil skal dei ha lært aa skrifa, etter katekisma, og maa skyna meiningi baade med skriftemaal og med altarsakramentet.<sup>94)</sup>

Desse viktige fyreskrifter hev samanheng med den sterke inter-

essen for katekismeundervisningi hos Sjællands biskop Hans Povelsson Resen. Ei rekkja smaaskrifter av honom vitnar um, kor stor vekt han la paa denne kyrkjelege oppgaaava. Soleis gav han i 1627 ut, paa latin og paa dansk, ei kort rettleiding um korleis ein skulde prøva kristendoms-kunnskapen hjaa dei unge ("De Visitatione catechetica", "Om Børnelærdoms Visitatz"), og aaret etter kom der fraa hans hand tvo nye utgaaavor av Luthers katekisma, - ei mindre, til lærebok, med "Børnelærdoms Visitatz" som tillegg, og ei større til rettleiding for prest-ar og deknar. I den latinske "Visitatio catechetica" tilraadde Resen,<sup>95)</sup> at dei som hadde vel lært katekisma med si forklaring og gudelege meining, skulde ikkje berre rosast for det, men dei skulde ogso stadfestast (confirmabuntur etiam) med handpaalegging anten av superintendenten eller av presten, naar dei skulde stedast til Herrens bord. Resen fann at konfirmasjonen var ein apostolisk skikk (Hebr. 6,2 etc.) og ei gamalkyrkjeleg ordning, og han vilde gjerne ho skulde takast i bruk, "for at ungdomen kunde prøvast og sanna si eigi tru" ("ut examinaretur juvenus et fidem propriam profiteretur"), - vel aa merka den rette tru. Konfirmasjonen var ikkje tenkt som ei personleg stadfesting av daapspakti i den meining som pietismen innførte konfirmasjonen hundrad aar seinare, men ei prøving og vedkjenning av læra, "exploratio et professio doctrinæ", med paa fylgjande forbøn for dei fromme katekumenane.

Denne vaar fyrste konfirmasjons-skipnad vart knesett ved forordningi av 1629: Naar ungdomen var komen til skjels aar, og hadde synt tilrekkeleg framgang i kristendoms-kunnskap, var tidi inne til, at dei "derudi ved presten, provsten eller superintendenten annammes, konfirmeris og stadfestis", og kunde gjera sin fyrste altargang.<sup>96)</sup> - Men forordningi gav ikkje nokor direkte fyreskrift um konfirmasjon som ei serleg og ny ordning, snarare reknast ho som ein god skikk, som alt var kjent og brukt, og det vart ikkje fastsett noko spesielt høgtidleg ritual for denne akt. Det skjede fyrst i 1736.

I skriftemaalet la forordningi av 1629 hovudvekti paa, at det skulde tena til vidare undervisning i det eøn hadde høyrte i barnelærdomen og i preika. Me ser difor, at Resen upptok i Børnelærdoms Visitatz ikkje berre Luthers rettleiding for dei einfaldige til aa skrifta synderne, fraa hans Enchiiridion-katekisma, men ogso ein kort repetisjon av barnelærdomen ved skriftemaal, i form av "Christelige Spørsmaal med deris giensuar, for dem som ville gaa til Sacramentet"; dette stykke gjekk under Luthers namn, men var forfatta av hans ven augustinaren Johann Lang og fyrst trykt i 1549.<sup>97)</sup>

Men skriftemaalet skulde ogso - som forordningi segjer - gjeva trøyst og raad "i hemmelig fristelse og anstød"; og kvar den som skrifta rett og aalvorleg med goddomleg kraft, paa Guds egne vegner.<sup>98)</sup>



- Og for ein syndar er det naudsynlegt aa skrifta fyre ein nyt altarsakramentet. Den som gaar ufyrebutt og uverdigg til Guds bord, set seg ut for Guds straff med sjukdom og plaagor. Og hev ein no noko serlegt aa taka i akt, skal ein gaa til presten nokre dagar i fyrevegen, so han kann tala med honom um det, og sidan koma til skrifte i kyrkja.<sup>9c</sup>

- Ingen som søker skriftestolen "hjerteligen og ydmygeligen", maa visast burt, fordi han staaar tilbake i kunnskap, - sosant han gjerne vil lata seg undervisa.<sup>100)</sup>

Skriftemaal skulde framleides vera einskildmanns-skriftemaal, soleis som det hadde vore sidan ordinansen av 1537/39, og som det hadde vore fyre reformasjonen. Ordinansen kjente ikkje det aalmenne skriftemaal, og det er heller ikkje tale um det i forordningi av 1629. Men einskildmannsskriftemaal er ikkje nokon privatsamtale, det er ein kyrkjeleg akt som fyregaar til fastsett tid, laurdag eller sundag, i kyrkja.<sup>101)</sup> Skriftemaal vert forretta i koren, uppe ved altaren eller ikkje langt derifraa, med ein og ein, medan dei andre skriftande ventar nede i kyrkja paa sin tur.<sup>102)</sup> - For at presten skal faa den tid som trengst til kvar, skal han beda folket ikkje koma fleire kvar gang enn han kann tilbørleg høyra og undervisa.<sup>103)</sup>

Altarsakramentet skal ingen taka "til verdslige sagers vidnesbyrds eller undskyldnings bekreftelse", - ein uskikk som nok var rett vanleg, - men ein skal einast søkja Guds bord for aa faa syndsforlating og styrke til tru og liv, og til minne um Kristi daude. Dei som veit og forstaaar, kva altarsakramentet er, maa ikkje halda seg for lenge derifraa. Dei som kann si katekisma skal formanast til aa gaa til Herrens bord nokre gonger um aaret, og elles so ofte dei kjenner trong til aandeleg lækjedom, for aa finna "hjertens rolighed og sjælens salighed".

Forordningigjev vidare nokre fyreskrifter som skal styrkja og reinsa kyrkjelivet, og samla det i sjølve kyrkjelyden i Herrens hus. - Ein skal hava vyrdnad for preikestolen, "som alltid høyaktigg bør at være", og ikkje der kunngjera alle slags verdslege saker, men dei bør lysast paa kyrkjebakken.<sup>104)</sup> Altargang og daap og brudvigsla bør ikkje skje heime i husi - som no mange brukar - men "i den hele forsamling baade de andre til exempel, saa og til felles bønnens kraft."<sup>105)</sup> - Ved prestekolent (provstiprestemøte), som vert samankallt av provsten etter kvart landemode (stiftssynode), maa der ikkje haldast gjestebod, det var alt fyrr forbode ved forordning av 1. mai 1618, men gudstenesta og barnevisitas.<sup>106)</sup>

Forordningi sikta ikkje berre paa aa reformera lækfolks seder og religiøse liv, ho gav ogso fyreskrifter som skulde lyfta prestandet - rusta deim betre til deira gjerning, betra deira moralske liv. Desse reformer, serleg dei fyrste, hev samanheng med andre i

same leid i aari nærmast fyre og etter 1629 og vil verta serleg umtala i samanheng seinare.

For at dei tiltak som soleis var gjort av kongen og hans raadgjevarar for aa hjelpa upp kyrkjelivet, ikkje skulde gaa i gløymeboki, vart det paalagt prestane aa gjeva fraasegn ved visitas og provstemøte um kva som vart gjort eller forsømt imot forordningi av 1629 sovelsom mot andre paabod, og biskopane skulde senda aarleg relasjon til dæt kongelege kanselli. Bispemeldingar hev sidan vore innsendt til kyrkjestyret inntil denne dag.

I tiaaret 1630-1640 heldt reformstyret fram, med aa innskjerpa og fornya og forbetra dei ordningar som var gjort for aa fremja kristenlivet, og det gjekk ut ei rekkja nye forordningar og sendebrev til dette formaal. Sjølv um freden var komen etter keisarkrigen (1629) og var motteken med gleda og takk til Gud,<sup>107)</sup> so var det ikkje mindre enn fyrr turvande aa halda folket til sann gudsfrykt og stadig kristendomskunnskap, flitug kyrkjegang og eit sømelegt liv.

Fyrst og fremst fann biskopane og teologane det raadsamt, "udi denne sidste og selsomme verdens tid" "paa en sand gudfrygtigheds øvelse at drive." Ved sendebrev til biskopane 28. januar 1630<sup>108)</sup> paa la kongen prestane aa tilstunda kyrkjelydane, at kvar husfar og husmor friviljug kvar morgon skulde samlast med born og tyende og takka og paakalla Gud med ei serleg fyreskrivi "husbøn"<sup>109)</sup> - forutan dei einskilde bøner kvar bad for seg morgon og kveld og elles. - Fraa preikestolen, i skriftestolen, og heime i husi, skal prestane oppmane til husbøn, - til aa avbeda Guds straff og tilbeda seg Guds naade og velsigning,<sup>110)</sup> og formana dei "til fromt og stille levnet i al gudelighed og ærbarhed". Born og tyende skulde med kyrkjektukt haldast til lyd nad mot husbondsfolket til aa vera med i morgonbøni, og folket i det heile formanast til ikkje aa forsøma helgedagane.

Etter freden i 1629 fall dei forordna bededagar og bedestunder i kyrkjerne mange stader burt. Men sjølv um Gud hadde gjeve fred, so synte det seg framleides "adskillige udvortes plager", og det som verre var, "adskillige laster" tok til blandt folk. Som den einaste og beste raad mot "all uleilighed" fann kongen ved forordning av 9. februar 1631 aa burde taka uppatt dei ordinære bededagane,<sup>111)</sup> for aa beda Gud um seks ting: at han maatte verna ord og sakrament "udi sin rette brug", forlata vaare synder og hjelpa oss til sann umvendning, avvenda eller formilda plaagor, halda uppe fred og ro, hjelpa og berga vaare naudstadde medkristne (dei evangeliske i andre land), og gjeva oss alt nyttigt for dette og det tilkomande liv. -

Skipnaden med bededagane skulde vera den same som var fastsett i 1626. Men der kjem no fleire nye moment til: Tekstene skal veljast

slik at predikanten derved kann taka høve til aa draga "denne sikre verden" fraa synd og vondskap. Der skal preikast imot sverjing og drikking og "ny noder paa hoffærdige klædedragt" og elles imot slike synder som tilhøyrarane er mest fallne til. Folket skal paaminnaast um aa ikkje berre "høre Guds ord av en sedvane", men dei skal gjera det for aa retta si tru og sitt liv etter ordet, - læra aa ottast, at me elles kann missa Guds reine og saliggjerande ord - som no vert fraarøva so mange (i tretti aarskrigen) - og formanast til i all si ferd aa vera godhjarta, ærlege og rimelege mot sine medkristne. Dei skal aatvarast imot fylleri og overflod i sine samkvem og uppmanast til maatehald, og serskilt skulde dei rettleidast til aa fyrebu seg til bededagane med faste og avhald og sparsemd.

Samhøvet millom den daglege morgonbøn i kyrkjorne som var forordna i 1628, og morgon-husbønerne overlet kongen til biskopane aa skipa.<sup>112)</sup>

Til dei ordinære bededagane kom stadig kvart aar dei tri ekstraordinære bededagane. Biskop Resen som forfatta preikerettleidingane for desse bededagane (conciones litaneytica) la her stor vekt paa det oppvekkjande og det oppbyggelege.<sup>113)</sup> Og den langvarige religionskrigen i grannelandi gav stadig orsak til aa minna folket um den faare som "vores evangeliske kirke øyensynligen for døren overhenger", og um den "sikkerhed og ubodferdighed" som var orsak til dei plaagor Gud sendte. Framfyre dei tri ekstraordinære bededagane i 1639 tok kongen høve til serlege paaminnningar, um kor "løselig og uandektig" folk hadde halde dei ordinære vike- og maanads-bededagane, og um at dei no burde gjera dei tri fyrestaaande serlege bededagane til "en vis begyndelse til en alvorlig og sand omvendelse, som sig udi all deris liv og levnet herefter kan lade tilsjune."<sup>114)</sup> Kongen ynskte at desse bededagane maatte haldast med flitug kyrkjesøknad og i heimane "med lesning, sang og fasten eller avhold og maadehold, saavidt en hvers helbred, alder og styrke kan taale." Folk burde søkja kyrkja alle tri bededagane sosant dei kunde. Og um nokon forsømte kyrkja eller sov under preika, skulde han bøta til dei fattige for heilagbrot um han var bonde, dubbelt um han var adelsmann. For "svergen, banden, drikken, slagsmaal, svermen eller deslige andre enormiteter" skal ein baade staa kyrkjedisiplin og svara pengebot. Kyrkjevevjer, medhjelparar eller andre gudelege menn skulde gaa ikring i sokni og skriva folk upp og krevja inn bøterne.

Hertil kjem no ein ny andaktsskipnad. I fastetidi, dei seks vikorne fyre paaske, skal prestane paa landet kvar onsdag halda ei kort gudstenesta i kyrkja paa eit kvarter eller halvtanna, staaande paa kyrkjegolv, med ei stutt formaning um Kristi døds og livs frukt og rette bruk til vaar sæla og ein kristeleg livnad, deretter ein salme eller tvo, og tilslutt ei kort bøn paa nokre faa linor, som bønderne etter-

hand kunde læra utenaat av seg sjølv.<sup>115)</sup>

Men med dei ordinære bededagane gjekk det traatt. Kongen hadde i 1631 sett straff for aa forsøma dei, men i 1644 maa han "erfare, saadant i ringeste maader ikke at holdis eller efterkommis, ja ikke kan fornemme endnu den første derfor at vere straffet, mens alltid saa slet at være forglemt, som de hverken av Gud i himmelen eller christelig øvrighed nogen tid haver veret paabuden eller befalet." Krigen med Sverige (1643-45) gav difor høve til kraftig aa innskjerpa bededagspaabodet av 1631.<sup>116)</sup> Og likeins fekk prestane paalegg um aa formana kyrkjelydane til aa umvenda seg til Gud og avbeda hans straff,<sup>117)</sup> men og til aa setja si lit til Gud og ikkje lata modet falla.<sup>118)</sup>

Barnelærdomen som det var lagt so stor vekt paa aa fremja ved forordningi av 1629, stod frømlides langt tilbake, og gav i 1634 søm i 1608 grunn til klagemaal: det fanst "stor grovhed...iblandt ungdommen paa landsbygden udi deres saligheds barnelærdom." Naar ein saag tilbake paa dei hundrad aar sidan reformasjonen, var dette so mykje syrgjelegare, som deknane "fast alene dertil ere indstiftede og efter de afskaffede papistiske messer fornemligen av den aarsag vedblevne" at dei skulde læra upp ungdomen. Grunnen til denne forsøming var, heiter det, "formodentlig" for ein stor del den, at provstane ikkje visiterte ofte nok. Ved ei forordning av 23. juni 1634 tok difor kongen den raadbot aa paaleggja provstane aa visitera alle kyrkior i provstiet - kva patronat dei so høyrde under - minst ein gong um aaret, og oftare um biskopen fann det turvande, røkja etter tilstandet med tenesta og serleg med barnelærdomen, forhøyra og formana deknane, retta paa alle manglar, og paaleggja prestane aa ha uppsyn med deknane.<sup>119)</sup>

Det høyrdest ogso sidan klagor - soleis i 1640 at aalmugen paa Sjælland var motviljug til aa møta ved visitas for biskop og provst - for slikt sette kongen straff som for heilagbrot.<sup>120)</sup>

Kampen imot luksus teikna til aa halda fram ogso i 1630 aari.<sup>1206)</sup> Etter tilraading fraa Danmarks riksråd<sup>121)</sup> forlangte kongen i 1631 fraasegn av Sjællands biskop og det teologiske fakultet um "den store hoffart" i klædebunad, med "toppede luer og anden letfærdig dragt", som daa tok til aa verta brukleg - "endog Gud i himlen sin serdeles mishag ved underlige fødsler og adskillige tegn tidt og ofte tilkjende giver."<sup>122)</sup> Nokre maanader seinare fekk Sjællands biskop og hofpredikanten paalegg um aa utferda ny fyreskrift um "en vis skikkelig og tarvelig form paa geistlighedens...klædedragt" baade for menn og kvinner.<sup>123)</sup> Og riksrådet i Jylland fekk eit tilsvarande paalegg vedrørande klædebunad for adelen.<sup>124)</sup> Kva som kom ut av dette, er ukjent.

Men naar det galdt gjestebod viste det seg umogelegt aa halda fullt ut paa dei gjeldande fyresegner i lengdi. Adelen fann den kgl. forordning um gravferd for streng, og var viljug til aa gjeva avkall paa noko

luksus ved brudlaup for aa faa høve til aa bjoda ei maaltid ved gravferd. Dette samtykte kongen i 1631, men forbaud samtidig "usømmelig nattevagt og drikken i vaAgestuen eller over liget."<sup>125)</sup> I 1640 samtykte kongen i at folk i kjøpstaderne kunde gjera festarøl og brudlaup o. dil. etter eige tykke - ut over forordningi av 1624 - mot aa svara større avgift til kongen og byen.<sup>126)</sup> - Og "etter adskilliges...uafladelig begjering" samtykte kongen i 1642 å mindre strenge fyresegner um luksus ved brudlaup for alle stender.<sup>127)</sup>

Heile reformlovgjevingi vedrørande det kristelege og moralske liv som her er gjennomgaatt, vart samla og ordna og uppteke i Christian IV's store recess av 27. februar 1643, som sidan skal verta nærare untala, og fekk derigjenom lovkraft for den fylgjande tid like til lovrevisjonen under Christian V i 1680-aari. Den slekt som skapte dei kyrkjelege reformloverne og freista aa setja kristendomen ut i livet paa denne maaten, fortener vaar høgaste respekt. Og dei mange slags straffemidlar som loverne var umgjerda med, skulde synast aa gjeva dette lovverk styrke. Men mangelen var at strafferne, fyrst og fremst dei verdslege, vart ikkje eller lite brukt. Geistligh. eva seg. Difor kom mange av fyreskrifterne til aa staa paa papiret, - ikkje aa tale um, at pengebøter og kyrkjebann i lengdi ikkje var noko tenlegt middel til aa skapa religiøst liv. Men det forstod ikkje tidi. Det tragiske var at resultatet so ofte lite motsvara ideali og kravi.

Det vart stadig søkt etter nye utvegjar og gjeve nye fyreskrifter. Eit av dei siste kongelege reformpaabod fraa Christian IV's tid, utferda for Sjøland, Fyn og Skaane (Laaland?) 22. april 1645,<sup>128)</sup> karakteriserar baade folket og leidarane. Det inneheld fylgjande 5 fyreskrifter:

1. Der skal i kyrkjerne ikkje syngjast andre salmar enn dei som aalmugen hev lært, so ungdomen òg kann læra dei same.
2. Kvinnfolki skal sitja overende (ikkje liggja paa kne i stolane?) og syngja salmar med dei andre.
3. Dei "store tiunde" (voksne tenestefolk) i byane skal (likesovel som paa landet) møta til overhøyring i kyrkja, og namni paa dei forsømelege meldast til øvrigheiti for straff.
4. Ingen maa tilstedast til truoving innan dei hev lært sin barnelærdom.
5. For aa avskaffa "den store uskikkelighed som med soven udi kirkerne begaaes", skulde det tilforordnast "folk som kan gaa om med lange kjepper til at slaa dennom paa hovedet med som sover under prediken", - "og saaledes holde folket aarvaagen til at høre desto flittigere prediken."<sup>129)</sup> Det siste punkt vart ogso gjort gjeldande for Jylland,<sup>130)</sup> - men so vidt me veit ikkje for Noreg. Det vanskelege punkt var just dette aa faa kyrkjefolket til aa høyra og fylgja med, forstaa og taka til seg det dei høyrde. For aa vekkja folket til gawmsemnd og ettertanke vart det ogso funne andre midlar enn det drastiske aa slaa dei sovande paa hovudet med kjeppar. Soleis ved aa fylla ut dei ordause led i gudstenesta med talte ord.

Sidan reformasjonen var nattverdsakramentet utdelt ved altargang av presten tegjande. Etter ein samtale med nokre adelsmenn um kyrkjeskikkar (i 1646) kom Christian IV til aa tenkja over, at det var ynskjelegt at presten - soleis som det var bruklegt elles i den lutherske kyrkje sa nokre ord for aa minna kommunikantane um kva dei fekk ved Herrens bord, - "en liden erindring" til aa vekkja tankar hos "den gemene mand" so han kunde ha godt av altargangen. Daa Sjællands biskop Jesper Brochmand ogso ynskte det same, paabaud kongen i 1646 den lydeleg uttalte udelingsformelen ved nattverden som sidan hev vore nytta.<sup>131)</sup>

I staden for stille bøn ved gudstenesta til inngang og utgang kom lydeleg bøn i bruk. Hundrad aars røynsla sidan reformasjonen hadde vist, at den tegjande bønestund fyrre og etter gudstenesta ikkje vart nytta som ho burde. I si "formaning til geistligheden" i Sjællands stift 1644 - opptrykt i Christiania same aar for presteskapet i Christiania stift<sup>132)</sup> - gav Jesper Brochmand eit døme paa tvo bøner som prestane burde læra ungdomen til aa bruka naar dei kom i kyrkja og naar dei gjekk ut.<sup>133)</sup> Desse bønformlar er ikkje nye, - dei var brukt som kyrkjekollektar i Tyskland alt i reformasjonshundradaaret, og dei var kjent i Danmark.<sup>134)</sup> Men Brochmand er den fyrste som forordna dei til liturgisk bruk, og dei vart snart lesne fyre av deknene eller klokkaren. Det er dei same bøner som er i bruk i vaar kyrkja den dag i dag som inngangs- og utgangs-bøner. Og dei gjev eit typisk uttrykk for den oppbyggjelege aand som sermerker retttrunads-tidi. Det gjeld aa høyra Guds ord og gjeva det inngang i hjarta, til sorg over syndi, til tru paa Jesus, til dagleg forbetring i eit heilagt liv.<sup>135)</sup>

### Noter til XII. 3. Reformasjon av kristenlivet.

- 1) fol. H<sup>r</sup>.
- 2) Jfr. J. O. Andersen, Holger Rosenkrantz, s. 152ff.
- 3) Andersen, Rosenkrantz, 199.
- 4) Pontoppidan III, 578-90. Gl.KS. 3189.4<sup>o</sup>. Helveg<sup>2</sup> I, 273f.
- 5) Pont. III, 593. Gl.K.S. 1145.4<sup>o</sup>.
- 6) fleirtalet?
- 7) Forord. DKl III nr. 35 er ikkje av 6. apr. 1610, men av 1. apr. 1606, Secher III nr. 227.
- 8) DKl III nr. 36. Secher III nr. 321.
- 9) Secher III nr. 320. Pans 557-8.
- 10) Rørdam, KUH.IV, 607-10. nr. 432.
- 11) DKl III nr. 48. Secher III nr. 414.
- 12) Jfr. Erslev, Rigsr. o. Stønderm. I, 229.232-3.
- 13) DKl III nr. 65. Secher III nr. 471. Pans 566-7.
- 14) DKl III nr. 64. Secher III nr. 472. Pans 567-8.
- 15) DKl III nr. 63. Secher III nr. 473. Pans 568-9.
- 16) Secher III nr 492. Pans 571.

- 17) DKl III nr. 69. Secher III nr. 490.
- 18) Secher III nr. 582. Pans 598-600. Jfr. Secher IV nr. 12. Pans 613.
- 19) Secher III nr. 597. Pans 602-3.
- 20) Secher III nr. 598.
- 21) DKl III nr. 81. Secher III nr. 575. Pans 597-8.
- 22) DKl III nr. 91. Secher III nr. 602. Pans 603-5.
- 23) DKl III nr. 82. Secher III nr. 574. Pans 596-7.
- 24) Pans 573-4. NR V, 8-9.
- 25) Frd. 27/3 1629. II § 20, jfr. DKl I, 73.
- 26) NB. for manndrap laut avsonast fyre skriftemaal. Secher II nr. 131.
- 27) NR V, 277.
- 28) Brandt, Retshist. II, 148f.
- 29) NR II, 571-2. Paus 415-6.
- 30) NR III, 302f.
- 31) NR IV, 300.
- 32) = "kraaketær".
- 33) Kolderup-Rosenvinge, Gl.d.Love IV, 180.195.249.285f.
- 34) ib. 229f. 271.
- 35) ib. 296-7.
- 36) ih. 293-6.
- 37) Secher II nr. 431.
- 38) Secher III nr. 171.184.
- 39) Secher III, 643.
- 40) DKl III nr 103. Secher IV nr. 99. Paus 641-5.
- 41) Secher IV nr. 119. Paus 626-37.
- 42) Erslev, Rigsr. o. Stønderm. I, 366.384-5.
- 43) (Verdsleg straff for banning og sverjing innført 1537, sjaa s. ... )  
Jfr. C III's forbod um banning og sverjing paa tinge, rec. 1558 § 10.
- 44) Jfr. Ribeart. 1542: arbeid paa alle helgedagar er forbode under 3  
marks bot. DKl I, 206, jfr. 348.471.
- 45) SmL. DKl I, 320-1.552.
- 46) Hermed heng det saman, at kongen ogso (11/3 1624 fann det paakravt  
aa paaleggja prestane aa halda seg til sanningi i likpreikor (jfr.  
fr. 29/3 1629. IV. 8).
- 47) Dän.Bibl. III, 213-4. Helveg<sup>2</sup> I, 347f. Andersen, Rosenkrantz, 202.
- 48) katolikane.
- 49) DKl III nr. 125. Secher III nr. 192.
- 50) Erslev II, 35-36.
- 51) DKl III nr. 135.
- 52) DKl III nr. 138.
- 53) Adelen fekk (15/2 1628; Secher IV nr. 257) paaminning um aa halda  
seg etter forordningi av 1617 um gravferder.

- 54) DKL III nr. 137. Secher  $\mathbb{N}$ V nr. 284. Paus 650-1.
- 55) DKL III nr. 148. Secher IV nr. 310. Paus 680-708.
- 56) DKL III, 146.
- 57) I. 8.
- 58) I. 1.
- 59) I. 2.
- 60) I. 3.
- 61) I. 7.
- 62) I. 5.
- 63) I. 6.
- 64) Jfr. s. ... (1737ff.)
- 65) I. 6.
- 66) I. 9, jfr. 6.
- 67) I. 10.
- 68) I. 11.
- 69) I. 12.
- 70) DKL III, 147-149.
- 71) I. 13.14.
- 72) I. 15.
- 73) i Noreg = kapitlet.
- 74) I. 16
- 75) I. 17 . Dette er det veike punkt.
- 76) DKL III, 150-2.
- 77) I. 18.
- 78) I. 19.
- 79) I. 21.
- 80) I. 29.
- 81) I. 23.
- 82) I. 27.
- 83) Helveg <sup>2</sup> I, 357 hev mistolka denne art, naar han segjer, at "den kirkelige Tugt egentlig kun af Præsten kunde udøves imod dem, der i borgerlig Henseende betragtedes som ham underordnede", - utan aa nemna medhjelparane. Adelsm. skal ogso staa under kyrkjetukt, men berre under geistleg øvrigheit.
- 84) I. 24.
- 85) I. 25.
- 86) II. 20.
- 87) I. 28.
- 88) I. 31.32.
- 89) II. 8.
- 90) II. 8, fraa fr. 11/3 1624, DKL III nr. 110.
- 91) II. 9.
- 92) II. 10.
- 93) II. 11.



- 94) II. 12.
- 95) bl. (A 6) <sup>r</sup> .
- 96) II. 17.
- 97) PRE <sup>3</sup> X, 141. Bang, Dok. o. Stud. II, 166 (av Johan Lange(!) 1568(!)).
- 98) II. 13.
- 99) II. 14.
- 100) II. 15.
- 101) II. 14.
- 102) II. 19.
- 103) II. 14.
- 104) I. 22.
- 105) II. 18.
- 106) II.21.
- 107) DK1 III.
- 108) DK1 III nr. 157.
- 109) husbøni s. 178.
- 110) DK1 III nr. 169, 24/2 1631.
- 111) DK1 III nr. 168. Secher IV nr. 385. Paus 709-13.
- 112) DK1 III nr. 169.
- 113) DBL XIV, 9.
- 114) DK1 III nr. 255. 9/11 1638.
- 115) DK1 III nr. 256. 19/1 1639.
- 116) DK1 III nr. 293. 2/2 1644.
- 117) DK1 III nr. 290. 30/12 1643.
- 118) DK1 III nr. 292. 1/2 1644.
- 119) DK1 III nr. 214. Secher IV nr. 490.
- 120) DK1 III nr. 270. Secher V nr. 69.
- 120<sup>b</sup>) ~~z~~ Jfr. 27/3 1629. III. 2.
- 121) Erslev II, 274.
- 122) DK1 III nr. 165.
- 123) DK1 III nr. 171.
- 124) Erslev II nr. 203.
- 125) Secher IV nr. 384.
- 126) Secher V nr. 62.
- 127) Secher V nr. 133.
- 128) DK1 III nr. 296. Secher V nr. 206.
- 129) Siste setning i miss.t.lensm. 19/6 1645. DK1 III nr. 303. Secher V nr. 223.
- 130) Secher V nr. 254 (Jylland og Skaane). 17/5 1646.
- 131) Christian IV's egenhændige Breve 1645-48, s. 157-8. DK1 III nr. 310.
- 132) Bibl. Norv. I, s. 44.
- 133) N.Khist.Saml. III, 718.
- 134) C. T. Engelstoft, Liturgiens Hist., 61.
- 135) Kirke-Ritual 1685, s. 4-6.

XIII. 4. Betre preste-emne.

Presteutdanningi var sidan reformasjonen knytt til katedralskule og universitet og tufta paa humanistisk, bibelsk og konfesjonell grunn. Baade skulen og universitetet var paa det allra næraste knytt til kyrkja, stod under hennar tilsyn, var hennar tenar fyrst og fremst, og arbeidde for hennar fyremaal. Universitetet var blitt reformert samtidig med kyrkja (1537/39), og skuleskipnaden var lagt um i humanistisk leid, etter det danings-ideal som var oppstelt av dei tyske evangeliske reformatorane.

Men der var noko som vanta. Tevlingi med skulane aat jesuitordenen hadde vist det. Ved den Resen'ske skulereform 1604 var det gjort ein freistnad paa aa lyfta latinskulen i Danmark og Noreg paa høgd med tidi. Det var eit framsteg, men berre eit steg.

Samhøvet millom skule og universitet var ikkje, pedagogisk set, tilfredsstillande. Og med alle sine tradisjonelle akademiske former sakna universitetsstudiet pedagogisk avgrensing og direkte tilknytning til den gjerning skulen og universitetet skulde fyrebu til. Universitetet var enno ikkje blitt nokon embetsmannsskule i notids forstand.

Parallelt med reformen av kristenlivet gaar det i 1620-30-aari ein viktig reform av skule og universitet, med serlegt sikte paa aa forbetra fyrebuingi til prestenesta. Reformen viser seg serleg i fire maatar:

1. Betre samband millom latinskulen og universitetet, serleg ved eit nytt slag høgare skular (gymnasia), - og ved ei fast tilgangsprøva til universitetet (examen styli et artium).

2. Styrking av kristendomen i skulane som praktisk religion, gjennom exercitia pietatis.

(3.-4.) Større krav til presteemni;

3. Avgangsprøva fraa det teologiske studium (attestats).

4. Preikeøvingar og dimisspreika.

Me skal her sjaa nærare paa desse ting.

(1) Fraa Universitetet høyrdest det stadig klagor over den mangelfulle fyredaning som dei unge deposituri hadde naar dei kom fraa skulane og skulde immatrikulerast og taka til med sine studier.<sup>1)</sup>

For aa bøta paa dette vart lærarkollegiet ved katedralskulane forbetra med konrektorar (Kjøbenhavn 1616, Oslo 1621, Trondheim 1621, Bergen 1633).<sup>2)</sup> Tillike kom det upp tanken um aa skipa serlege høgare stiftsskular, katedralkollegier eller gymnasier, der dei unge kunde halda fram med sine studier fraa trivialskulen og gjennomgaa eit propedevtisk kursus, slik at ikkje universitetsstudiene skulde koma til aa liggja for høgt for dei.

Tanken, som serleg interesserte kanslaren Christian Friis til Kragerup, var under oppsegling i 1618<sup>3)</sup> og 1619,<sup>4)</sup> og vart uppteken i den kgl. proposisjon for det danske riksrådsmøtet i Anterskov 1620.<sup>5)</sup>

Planen til eit katedralkollegium i Odense fyrelaag i 1619.<sup>6)</sup> Det var fyrst paa tale aa skipa tre slike kollegier i Danmark, nemleg i Roskilde, Lund og Odense, kvart med fem professorar. Riksrådet tilraadde fire gymnasier i Danmark, nemleg i Lund, Odense, Aarhus og Ribe, og eit i Noreg, i Trondheim. Skulen i Trondheim hadde i 1618 127 disiplar.

Daa tanken skulde setjast ut i livet, skjede det i ei dobbelt form: dels ved aa skipa sjølvstendige katedralkollegier eller gymnasier ved sida av dei gamle skulane, som overbyggnad over dei, dels ved aa utvida og forbetra dei gamle stiftsskulane. Dei tvo typane vart utforma ved kgl. forordningar i 1621, som skipa dei tvo fyrste katedralkollegier i Danmark, i Odense og Lund, og utvida stiftsskulen i Roskilde. - Av desse kom gymnasiet i Odense fyrst i gang, opna i 1623 med fullt utstyr av lærarkrefter, lokale og inntekter.

Dei nye katedralkollegier var eigne institusjonar og utgjorde millom- leder millom trivialskulane og universitetet. Lærarane kallast professorar. Der var fem professorat: eit i teologi, eit i logik og metafysik, eit i fysik, matematik og etik, eit i latinsk eloquentia, og eit i græsk og hebraisk språk. Den fyrste av desse lærestolar skulde overtakast av den tidlegare lector theologiæ ved domkyrkja, dei tvo sistnemnde vart tillagt rektor og konrektor. Medicus i stiftsstaðen, um der var nokon, skulde undervisa i botanik og anatomi. Den utvida stiftsskulen hadde ikkje professorar, men tvo lektorar, - ein i teologi, ein i fysik og matematik, - og noko mindre fagkrins, utan etik.

I Noreg vart det til aa byrja med gjort ein freistnad med utvida katedralskular. Daa Anders Arrebo i 1618 vart utnemnd til biskop i Trondheim, vart Lødingens soknekall - som hans fyremann hadde havt som personleg lønsforbetring,<sup>7)</sup> - tillagt bispestolen, med plikt for biskopen til ikkje berre aa løna kapellanar i kallet, men ogso til aa "holde hos sig 2 eller 3 unge personer, som ham fra Universitetet opskikkes skal, hvilke skal tilholdes ved skolen der udi Trondhjem dagligen at læse og ellers sig forholde efter den forordning vi naadigst med det første ville lade udgaa." Sidan skulde desse personar forfremjast til ledige kall i bispedømet. - Denne skipnaden fornøya kongen ved bispe- skiftet i Trondheim 1622.<sup>8)</sup> Men forordningi let venta paa seg; nokon plan for denne undervisning i Trondheim kjenner me ikkje, og det ser helst ut til, at det i det heile ikkje er blitt til noko.<sup>9)</sup>

Ei liknande utviding av katedralskulen vart forsøkt i Oslo. I 1626 utnemnde kongen dr.med. Peder Alfsson til kantor i Oslo, med plikt m.a. til "at læse philosophiam for ungdommen i skolen".<sup>10)</sup> Men denne ordning fall burt, daa Peder Alfsson faa aar etter vart sett til lagmann i Trondheim, utan at der vart paalagt hans ettermann som kantor i Oslo nokor læreplikt.<sup>11)</sup>

Dei tvo katedralkollegier i Lund og Odense var lenge dei einaste. Men midt i 1630-aari vart det gjort tiltak til aa skipa fleire skular av same slag, og turen kom no ogso til Noreg, som fekk sitt fyrste og einaste gymnasium,<sup>12)</sup> samtidig med at Danmark skulde utstyrast med tri nye katedralkollegier i Jylland, i Viborg, Aarhus og Ribe, 1636.<sup>13)</sup> Det norske katedralkollegium vart ikkje lagt i Trondheim, men i Christian IV's nybygde og nydøypte hovudstad Christiania. Kongen hadde alt tvo aar i fyreveg sytt for aa fyrebu saki, ved aa beda biskopen og stadhaldaren uttala seg um det økonomiske grunnlag for ein slik skule.<sup>14)</sup> Realisasjonen av dei jyske gymnasie-planane vart utsett, men Christiania collegium fekk sin fundats i 1636 og vart straks sett igang. Fundatsen fylgde dei danske kollegiefundatsane av 1621, men med nokor avgrensing. Collegiet - eller gymnasiet - som det oftast vart kalla, hadde sitt auditorium i det nye huset til katedralskulen ved den nye domkyrkja (Trefoldighetskyrkja - som laag der Johanneskyrkja sidan var). Gymnasiet fekk tri sjølvstenlige professorat: i teologi (det tidlegare lektorat), i logik og metafysik, og i fysik og matematik. For rektor og konrektor vart det ikkje skipa professorat. Tvo av professorane skulde vera magistrar, den tridje medicus.<sup>15)</sup>

Den mest namngjetne millom lærarane ved Christiania gymnasium er den merkelege kjættardømte svermaren M. Nils Svendssøn Chronich, ein dansk mann som var lector theologiae ved gymnasiet 1639-52.<sup>16)</sup> Han skal sidan faa sitt serskilte kapitel.

Parallelt med reformen av den propedeutiske undervisning til universitetet,<sup>17)</sup> som var fyremaalet med katedralkollegieskipnaden av 1621, skjede der ein inngripande reform ved sjølve universitetet. Etter forhandlingar millom representantar for riksrådet og universitetet<sup>18)</sup> vart i 1621 universitetsfundatsen av 1539 innskjerpt og auka med eit tillegg,<sup>19)</sup> dei sokallte constitutiones novellæ. Reformen, som gjer skjel i saga aat den dansk-norske høgskulen, vart ført vidare ved nye reformer i 1629-30 (frd. av 27/3 1629 m.v.).

Maalet for denne reformen av universitetet var tridubbelt: 1. aa trygda større mognad hos studentane fyre dei kom til universitetet, 2. aa lyfta nivaat i universitetsundervisningi og leggja ho meir praktisk til rette for studentane. 3. aa føra studiet fram mot faste kunnskapskrav. Her nemner me det fyrste punkt og kjem sidan atehde til dei andre.

Det kom studentar til høgskulen som ikkje kunde dei fyrste grunnsetnader i grammatiken og difor ikkje kunde hava noko utbyte av dei latinske fyrelesningane aat professorane. Dimissjonen fraa skulen til universitetet skjede ikkje ved nokon avgangseksamen, men rektor gav disipelen eit testimonium scholasticum etter sin kjennskap til personen og hans kunnskapar. Ved universitetet fyreskreiv fundatsen rett nok ei kunnskapsprøva som tilgangsvilkaar, men denne prøva, som skjede, etter

deposisjons-ceremonien, fyre representantar for det filosofiske fakultet, var med tidi blitt ein rein formalitet.

Den nye universitetslov av 1621<sup>20)</sup> gav skulerektorane paalegg um aa setja strengare krav til dimittendane, - innskjerpte den eldre fyreskrift um deposisjonseksamen i nærvar av decanus og tvo professorar av det filosofiske fakultet, - og paala dei som søkte den kongelege kost ved kommunitetet, ei skarpere prøva enn fyrr, fyre rektor og alle professorar.<sup>21)</sup>

Etter fundatsen av 1539 skulde dei unge studentane i si fyrste studie-tid stundom skriva latinsk stil for sin præceptor, til prøva paa sine spraakkunnskapar. Denne ordning vart fornya i 1621. Og ved den store reformforordning av 27. mars 1629 fekk tilgangseksamen til universitetet fastare skipnad.<sup>22)</sup> Det var oppstelt formulerte krav for immatrikulasjon, soleis, at ein "i det ringeste er congruus in lingua latina, og forstaa faciliores textus græcos novi testamenti, samt òg sin børnelærdom og des forklaring udi sin ret enfoldige mening ved noksom at forstaa først efter Lutheri lille Catechismum og siden efter den store".<sup>23)</sup> - Daa dette paabodet ikkje gjorde den nytte som tenkt, forlangte kongen (6. desember 1630) ei verkeleg effektiv prøving av deponendane, og deretter innførte universitetet i 1631 ei dubbelt prøva, nemleg examen styli med censur av heile professorkollegiet, og deretter munnleg examen artium fyre professorane i det filosofiske fakultet.<sup>24)</sup> Fraa denne tid vart examen depositionis (ex. deponendorum) halden jamnan, sidan 1643 (51) tvo gonger um aaret,<sup>25)</sup> fraa 1665 ein gong um aaret.<sup>26)</sup> Denne eksamen, som enno paa 1700talet heitte examen styli et artium, seinare berre examen artium, vart i Danmark fyrst i 1850 for godt overlaten til skulane, og i Noreg vart han halden ved universitetet like til 1883.<sup>27)</sup>

Den stramning av kravi til deponendane ved universitetet<sup>28)</sup> som var ei fylgje av undervisnings-reformen kring 1620-30, verka ogso tilbake paa latinskulane. Det vart regel (naar?), at berre dei fullstendige (seks?) femklassige skulane kunde dimittera til universitetet, og det vart ogso forsøkt aa innføra ein avgangseksamen fraa øvste klassa. Ved denne prøva, som skulde vera offentleg og haldast tvo gonger um aaret i nærvar av rektor, konrektor, nokre kannikar eller pastor loci, og andre kunnige folk paa staden, skulde dimittenden visa sine kunnskapar i katekisma, latin, græsk, logik, retorik, musik, aritmetik, geometri, og eventuelt hebraisk.<sup>29)</sup>

At universitetet maatte setja strengare krav til skulen etter innføring i examen styli et artium i 1631, er sjølv sagt.<sup>30)</sup> Etter kongelegt paalegg (14. mars 1631)<sup>31)</sup> samlast difor professorane ved universiteti i Kjøbenhavn og Sorø i 1631 til aa raadslaa um ei endeleg ordning for den lærde skulen, serleg um undervisnings-planen og -maaten, og eit utval utarbeidde eit framlegg, "de scholasticæ juventutis institutione

observationes generales". Denne nye skuleplanen eller "manuductio" vart stadfesta av kongen i 1633.

Undervisningsplanen for latinskulane av 1633 er ein modifikasjon og ei vidare utforming av Resens skuleplan av 1604. Den viktigaste skilnaden er: at klassetalet vart auka fraa seks til sju; at den elementære undervisning vart inndelt meir pedagogisk; og at modermaalet (dansk) vart teke i bruk i langt større umfang enn fyrr i dei laagare klassor.<sup>33)</sup> Græskan fekk ein munaleg breidare plass: etter kyrkjeordinansen av 1537/39 vart det lese græsk berre i øvste (5te) klassen; i 1604 vart græskupp-læringi utvida til dei tri øvste klassorne (4de - 6te); og i 1633 fekk han rom gjenom heile fem klassar (3dje til 7de). Lesnaden av klassisk litteratur vart ogso auka, fyrst og fremst i græsk, men ogso i latin. - Logik (dialektik), som disiplane fyrr fyrst lærte aa kjenna i mesterlektia, kunde no byrja alt i næst-øvste klassen. - Kristendomsundervisningi, som framleides var kateketisk, vart forbetra, soleis at læregangen vart innretta meir etter utviklingi og alderen aat disiplane.

Reformen av latinskulen galdt ogso lærebøkene. Lærebokreformen er serleg viktig, fordi der danne tid var skapt ei serie skulebøker, som heldt seg i menneskealdrar, ja i hundrad aar og meir.

I reformasjonstidi vart det teke i bruk skulebøker av utanlandske humanistar, tyskarar, nederlendingar, franskmenn. Ikring 1600 tok innanlandskø skule- og universitetsmenn fatt paa aa skaffa avløysning. Oslolektoren M. Hallvard Gunnarssons versifiserte lærehjelpemidlar, som fyrr er uttala, fekk ikkje noko langt liv. Heller ikkje Resens skulebøker,<sup>34)</sup> som han gav ut i samband med skulereformen 1604 (1605-18), bl.a. ein logik paa eit uforstaaelegt dansk (1610).<sup>35)</sup>

I 1624 fyrelaag det for Universitetskonsistoriet ein dansk logik, av ein Civis Bergensis. Men det ser ikkje ut til at ho slapp gjenom censuren, - me veit ikkje av at ho er blitt trykt.<sup>36)</sup>

Ei rekkja viktige lærebøker, i dei fleste artes, vart i 1620-aari, etter oppmoding av kanslaren Christian Friis, utgjevne av den namngjetne fromme Caspar Bartholin,<sup>37)</sup> professor i medisin, fraa 1624 i teologi. Bartholin, som i filosofien representerte eit strengt aristotelisk standpunkt, i motsetnad til den nyare ramistiske retning,<sup>38)</sup> hadde vunne eit kjent namn i utlandet med fleire handbøker for studerande. Til bruk for skulane i Danmark og Noreg gav han no ut lærebøker i retorik (mindre og større), i logik (mindre og større), i fysik, i metafysik, i etik. Dei vart innført i skulane ved kongebod 1625<sup>39)</sup> og heldt seg tildels til slutten av 1600-aari, soleis hans fysik og logik. Gjenom Bartholins skulebøker, serleg logiken og metafysiken, sigra Aristoteles' filosofi endeleg i skulane, og vart ustridig tonegjevande for lang tid.<sup>40)</sup>

Ein nybrottsmann i skulebokvegen var Jens Dinesen Jersin, professor i metafysik, sidan biskop i Ribe, - merkelig i Danmarks kyrkjesoga, som

representant for ein inderleg, nærsagt pietistisk kristendom midt i rett-trunadstidi. Han var tilhengjar av det pedagogiske prinsipp, som særleg var kome til orde gjennom professorane ved universitetet i Giessen og sidan gjennom den holsteinske reformpedagogen Wolfgang Ratichius, - nemlig, at framstillingi i skulebøkene skulde vera kortfatta og enkel og lettare forstaaeleg enn fyrr, og at den munnlege forklaaringi av læraren skulde fylla ut læreboki og den aandslause utanaatlæringi. Og sist, men ikkje minst, Jersin tok modermaalet i bruk i sjølve læreboki i latinsk grammatik - som hittil var heilt paa latin - og gav ein stor del av reglane og næstan alle forklaaringane paa dansk.<sup>42)</sup> Den nye grammatiken vart straks (1623) innført i skulane i Danmark og Noreg. Men dei fyremuner Jersins grammatik hadde, vart utviska i utgaavor fraa 1630-aari, serleg etter hans død, daa Jersins og Melanchtons grammatikar vart samanstykkja under Jersins namn. Dansken kom paa denne maaten so godt som heilt burt fraa den latinske grammatiken. Til grammatikken slutta det seg nye latinske ordsamlingar og taleøvingar, utarbeidde av andre danske skulemenn. Dei nye latin-lærebøkene fraa 1630-talet fekk eit langt liv og vart brukt i hundrad og upptil halvanna hundrad aar; dei figurerar i Holbergs komedier.<sup>43)</sup> Fyrst i 1730-80-aari fekk dei meir moderne avløysarar.

I græsk-upplæringi<sup>44)</sup> var det enno ikkje tale um aa byta dei utanlandske hjelpemidlane med arbeid av heimlege forfattarar. Ein fekk framleides nøgja seg med aa laana dei beste utanlandske bøkene og tillempa dei for dei danske og norske latinskulane. Sidan Erasmus's tid hadde den nederlandske filologien den største autoritet i græsk-studiet, og derifraa vart framleides bøker henta til bruk for græsk-undervisningi. Den hundradaar-gamle græske grammatik av Clenardus vart umbytt med den nye av Theophilus Golius, som hevda sin plass jamsides med dei ovennemnde danske latinlærebøkene til i 1770-aari. Calepinus's latinsk-græske ordbok, som skreiv seg heilt fraa fyre reformasjonen, vart avløyst av den fyrste nytestamentlege ordbok, Lexicon græco-latinum Novi Testamenti, av nederlendingen Georg Pasor, professor i Herborn (d. 1655).<sup>45)</sup> Forfattaren var kalvinist, og hans verk vart difor gjennomset og reinsa av biskop Nils Faaske i Bergen (1636). Ei praktisk græsk aksentlære til skulebruk, Prosodia græca, vart i 1625 utgjevi av rektoren i Oslo, nordmannen M. Trugels Nilssøn, seinare sokneprest og provst i Christiania,<sup>46)</sup> - me skal sidan møte honom som M. Nils Svendssøn Chronichs motstandar.

Kristendoms-undervisningi skulde gaa fyre seg i den same banen som fyrr<sup>47)</sup> - med Luthers katekisma som einaste lærebok. Men katekisme-upplæringi vart lagt disiplane nærare ved at modermaalet her fekk ein større plass. I dei tri nedste klassane skulde Luthers katekisma gjennomgaaast og lærast paa dansk, og repeterast paa dansk i fjerde klassen, -

daa dei tok til med den latinske katekisma - ; "for det vert ikkje halde for tilraadelegt aa lata gutane læra katekisma paa latin, so lenge dei er ukunnige<sup>48)</sup> det maalet". Det vart no utarbeidt ei ny og betre lære-bok i katekisma for latinskulen, samansett av Luthers mindre og ei avkort- ing av den større, og utgjevi baade paa latin og dansk 1634.<sup>49)</sup> Ho kall- ast "catechismus integer" eller "den fullkomne catechismus" og var lenge i bruk ut paa 1700talet (den danske upptrykt 1721, den latinske 1778).

- Gymnasier, nye læreplan, nye lærebøker, examina, - alt dette var godt. Men til aa gjera gode presteemne ut av skuleungdomen var det ikkje nok. Det galdt ogso um, at undervisningi kunde bli tenleg for den moral- ske og religiøse utvikling hjaa disiplane.

No opnast umsider augo for den faaren, som lesnaden av dei heidne klassiske forfattarane maatte medføra for det aandelege livet hjaa dei unge.<sup>50)</sup> Ved litteratur-studiet hadde interessen hittil einssidig vore retta paa den formelle sida, paa spraak og stil, mindre paa innhaldet. Men no, heiter det,<sup>51)</sup> bør "de unge lære at sky de hedenske avguders navn, som findis i mange bøger, der ellers endnu er i brug, i serdeles- hed udi poesi og andet slikt, hvor udi de hedenske guders navne ofte indføris, i det sted Gud alleniste og hans hellige navn burde at brugis, samt alt det der kunde være imod christelige tugt og seder i nogen maad- er". Paa programmet for skulebok-reformen stod difor ogso spesielle ut- gaavor av latinske og græske forfattarar innretta til skulebruk.<sup>52)</sup> Og det er karakteristisk, at satirikaren Lukian, som spotta den heidne religion, gjekk ut av græskpensumet.

Men mest skadeleg var den mekaniske og utvertes maaten kristendoms- kunnskapen vart innprenta paa. Derav "den store grovhed...i Catechismi rette grund og forstand" hos ungdomen som kom til universitetet.<sup>53)</sup> "Vi forfare - segjer kongen i 1638 - hvorledes ungdommen udi skolerne ganske forsømmelig undervises i Guds ord og frykt, idet at fast derfor holdes, at det fornemste man udi skolerne drive skal, ere sprogene, med- ens gudfrygtighed aktes som for et nebenverk, hvorfor og catechismi øv- elser i samme skoler i øverste lexis øvis allene en dag i ugen,<sup>54)</sup> - hvorover ungdommen selvgroede og uandelige opvokser, og naar de siden kommer til kald, ere de flux kolde og lade i deris bestillinger, og mere søge deris brød end deris tilhørendis salighed. Tilmed befindes og, at skolemesteren og de (som) tilsjun med ungdommen burde at have, formener, at naar ungdommen kan deris børnelærdom med forklaringer uden ad, at sagen er da vel bestilt, hvad heller de forstaa grunden derav eller ikke, og saaledis ikke selv holdes til at faa lyst og rett smag derav i hjert- et, sig daglig derudi at øve og betenke, og andre derudi at undervise og formane." - Difor bad kongen biskopane sjaa til at guds frykt og barne- lærdomen i skulane vart drivne "med Guds aands velsignelse" "til ung- dommens forfremmelse i Guds sande frygt og kundskab, saa og (til) deris



beredelse til at tjene Gud og menigheden i fremtiden med des større frukt, iver og gudsalighed."<sup>55)</sup>

Difor la denne tidsalderen ei serleg vekt paa den gode arven som var mottoken fraa reformasjonen og den gamle kyrkja - exercitia pietatis, dei daglege andaktsøvingane.<sup>56)</sup> Dei vart haldne vedlike i same umfang som fyrr, ja større: tri gonger dagleg andakt i skulen, morgon, middag og aftan; tri gonger dagleg kortenesta i kyrkja, morgon, middag og aftan, - helg og søkn - fyrr tvo gonger baade i skulen og kyrkja. Men alle desse andaktsøvingane vart no gjort kortare for ikkje aa verka trøyttande; og dei vart lagt deltakarane nærare derved at modermaalet (dansk) kom i bruk over alt, baade ved skuleandaktene og i kortenesta. "Det latinske maal - segjer skuleplanen av 1633 - vert ikkje forstaatt av alle dei disiplane, som um syknedagane gaar i kor, og enndaa mindre av aalmugesfolk som ikkje sjeldan innfinn seg i kyrkja for aa halda si andakt paa same tid som disiplane".<sup>57)</sup> - Overgangen til dansk gjekk likevel ikkje so snøgt. Eit serlegt kongebod (1640) maatte til for aa paabjoda dansk korsong i domkyrkjorne.<sup>58)</sup> Og i Bergens skule vart det enndaa burtimot 1650 halde skuleandakter paa baae maal, fyrste helvti paa latin, resten paa dansk.<sup>59)</sup> Den latinske tradisjonen hadde sterke røter.

For at disiplane skulde ha den rette frukt av andaktsøvingane - "ikke allene ordene og sensum at vide, meden pro ratione ætatis føre det til brugs"<sup>60)</sup> - skulde dei faa undervisning um bøni - læra kva bøn er, og korleis det bør bedast, og med kva huglag, so ein kann tekkjast Gud og dyrka honom paa rette maaten. - For aa koma burt fraa aandlaus oppramsing i andaktene, skulde ikkje disiplane, men rektor sjølv lesa bønner og bibeltekster, - tydeleg, aalvorsamt, andektig.

Ved sundags-gudstenestorne burde disiplane lyda vel etter preika, fyrebu seg til henne med bøn, høyra paa predikaten som det var Gud eller Christus sjølv. Framfor alt maatte det innprentast ungdomen, at det ingenting gagnar aa høyra Guds ord, men tvert imot er til største skade, - um ein ikkje rettar sitt liv etter ordet ein hev høyrte og sanna.<sup>61)</sup> - Men i sume kyrkjer var koret der disiplane hadde plass, so langt undan preikestolen, at dei ikkje kunde oppfata preika vel, "saa at de fast deres ganske ungdom - som Gud den allerhøieste fornemligen burde at ofres - uden Guds ords og prædikens hørelse gjennemdrager, og saaledes vennes derfra og til andre tanker paa de tider at øve og have". Difor paabaud kongen (1634, 1638) aa innretta ein serleg pulpitur eller stol for skuleungdomen nærare preikestolen, so dei kunde sjaa og høyra presten.<sup>62)</sup> So vart gjort, t.d. i Bergen.

Fyre kyrkjegangen um sandagsmorgon samlast disiplane i skulen, som vanleg laag like ved kyrkja, og rektor skulde daa med nokre faa ord visa, kva stykke i barnelærdomen preiketeksti hadde samanheng med, og formana

disiplane til aa taka Guds ord til seg til gagn for eit gudlegt liv. Og um sundags-ettermiddagen, naar disiplane kom attende til skulen etter kyrkjegang, skulde rektor spyrja, kva dei kunde minnast av preika.<sup>63)</sup> For at ikkje denne gudsfrykt-øving skulde drivast som ein skuletime, vart biskopane paaminnt um aa sjaa til, at skuleborni vart overhøyrte um preika "med saktmodighed uden slaaen og truen".<sup>64)</sup>

Likesom i skulen vart det gjort freistnad paa aa reformera undervisningi ved universitetet.<sup>65)</sup> Det var ei aalmenn klaga, at fyrelesningane var utførlegare enn det høvde for studentane. Det er ikkje aa undrast over. Me er i det lærde tidsrom. I Kjøbenhavn som i Tyskland fortapte professorane seg i spissfindigheiter og detaljar og heldt uforstyrre ved med sitt emne i semester etter semester utan aa bry seg um at auditoriet skifta og nye aargangar av studentar samla seg under deira kateder. Diktering var blitt den vanlege form for akademisk undervisning, - visstnok ikkje minst av den grunn, at fyrelesningane vart haldne paa latin, - og tok naturlegvis ei uendeleg tid. Vaar landsmann professor theol. Kort Aslaksson, som var ein framifraa lærar, og vert rosa for si lette og klaare framstilling, heldt soleis fyrelesningar over loci communes av teologien; han delte fyrelesningane over dette emne i 4 rekkjor, og av dei fekk han fraa mai 1608 til august 1612 gjeomgaatt fyrste rekkja og 4 loci av den andre.<sup>66)</sup> Ingen student kunde daa i si studietid faa gjenomgaatt det han trengte.

Um desse tilhøve inneheldt universitetsforordningi av 1621 ei skarp paaminning: "Eftersom vi naadigst forfarer, at en stor del av professorene den meste tid med dikteren henbringer, som de av andre adskjellige autoribus sammenflikket haver, dermed deres egen umag at spare, og tiden saaledis at henslide, hvorover ingen sin ganske profession paa nogle aars tid kan fullende, og dog ingen studenter her udi universitetet saa lang tid forbliver, - da, efterdi universitetet ikke i synderlighed til nogen professoris ophold, medan allene Gud til ære og ungdommen til fremmelse er anstiftet, ville vi naadigst herefter saadan den unøftige dicteren dennom befalid have at indstille, deris professionem paa it aars tid forrette, og auditores undervise den fuldkommelige og vel at forstaa."<sup>67)</sup>

Denne regel galdt ikkje exegetane.<sup>68)</sup> Var det freistande aa halda fyrelesningar over dogmatikken gaaande i aarevis og fylgja tankerekkje ut i dei ytste distinksjonar og avgreiningar, so var det same ikkje mindre tilfelle ved bibeltolkingi.<sup>69)</sup> Ved exegesen var det lett aa gløyma

bibelordet over fortolkingane og tapa seg i lingvistiske og dogmatiske digresjonar. Og det var dei som søkte si æra i aa hanga saman alle slag ulike meiningar um kvar bibelstad. Den lærde faafenga fekk overhand over den religiøse interessen, og det var som um det galdt aa overbjoda hver-

andre med massor av brokute citat. Og daa dei orientalske studier kom i vinden i 1630-aari, vart serleg skriftene aat dei jødiske rabbinarane ei uuttømeleg gruva.

Nokre eksempel fraa Kjøpenhamns universitet viser kor grundig dei exegetiske professorane gjekk til verks. Hans Povelsson Resen las fraa 1618 til 1637, i 20 aar (minst), over det nye testamente men naadde enndaa ikkje igjenom det heile. Jesper Brochmand byrja med ein fyrelesning over Genesis i 1632, og den heldt han enndaa paa med i 1636.<sup>70)</sup> I dei elleve aar Hans Svane var professor i dei austerlendiske maal, 1635-46, les han ikkje over anna enn profeten Daniel.<sup>71)</sup>

Ei slik undervisning var alt anna enn tilmaata for studentane, og resultatet var ogso deretter. Eit forvitnelegt ljøs over tilhøvi fær me av ei liti bok "De studio theologico...breve consilium", som prof. theol. Caspar Bartholin gav ut i 1628.<sup>72)</sup> Han fortel um studentane, at "sume knapt etter mange aars arbeid og natteslit i dette studium umsetja ei tekst etter kjeldone, langt mindre forklaara kva den ekte meining i teksti er, ut fraa samanstelling med andre stader. Eit brev, som lett vart forstaatt av alle dei som apostelen skreiv til, forstaar dei ikkje no utan ved bruk av ei mengd fortolkingar; ja dei ikkje eingong kann naa til forstaaing, paa grunn av dei stridande oppfatningane hos kommentatorane. Difor forstaar dei ofte mindre naar dei gaar ifraa studiet, enn daa dei gjekk til det. Dogmi fatar dei ikkje, avdi dei ikkje lærer dei av skrifterne, men av eit eller anna kompendium. Ser dei Bibelen eingong, so plukkar dei stykkevis eit og anna ut, og tenkjer berre over det brotstykke som dei hev citert, for dermed aa avgjera eit eller anna lærepunkt eller ein kontrovers. Preikor lærer dei ut av ein pøstill".

Bartholin gjer seg til talsmann for reformtankar. Der trengst tri ting: Borni maa ha biblar i hende i modermaalet; Biblar i originalmaali maa gjevast dei studerande; og der maa skrivast Bibel-kommentarar, som ikkje gjev menneskemeiningar. Der er tri ting dei unge skal studere: den Heilage Skrift, og den Heilage Skrift, og atter den Heilage Skrift. Men dinæst maa det syrgjast for eit regelbunde studium i spraak og filosofi, - og her talar Bartholin for historia, serleg kyrkjesoga, - eit læreemne, som ikkje daa, og enndaa ikkje paa lang tid, hørde til det teologiske embetsstudium.

Det er god samanheng millom Bartholins syn og den oppfatning av det teologiske studium, som den lærde og fromme danske riksraaden Holger Rosenkrantz hevda (1621), under dryftingane um universitetsreformen. Han la den største vekt paa studiet av Skrifti, og det av heile Skrifti i samanheng. Bibelen maatte ikkje oppfatast som ei læreframstelling, eller ei dogmatisk kjelda fyrst og fremst, men som ei historiebok, og det som soga um Guds raadslutning til vaar frelsa. Ei frelseshistoria

under synspunktet av Guds naadeføring er det Bibel-studiet skal gjeva oss. - I undervisningi maa ein undgaa stridsemni og føra dei unge til eit fruktbart sjølvstendigt skriftstudium. Fyrst læra dei aa forstaa Skrifti etter sitt sermerkte spraak og innhald, - dinæst gjeva ei oversyn over gudsstyringi i frelsesoga, - og endeleg rettleida dei til aa forstaa dei einskilde skriftene. Skriftsstudiet ved universitetet skulde inndelast i tri steg: eit bibelteologisk, eit frelseshistorisk, og eit exegetisk. Og det skulde ha til maal ei fullstendig gjennomlesing av heile Bibelen paa tri aar.<sup>73)</sup>

Rosenkrantz's studieplan er, med si syn paa Skrifti, i slekt med tankar som fyrst langt seinare gjennom den nederlandske teologen Johannes Coecejus vart aalmenneiga i dei protestantiske land. Og um hans reformframlegg var blitt gjennomført, vilde det ha verka ei fullstendig umvelting i læreplanen i det teologiske fakultet i den danske og norske kyrkja. Men studiet gjekk vidare i dei gamle banor.

I 1569 var det forlangt ei viss tids universitetsstudium for tilgjenge til presteembete.<sup>74)</sup> Men kravet var enno ikkje aalment trengt igjennom. Fraa Lesja i Gudbrandsdalen er det fortalt, at "deels af Mangel paa Studentere, deels og fordi ingen vilde tage imod Kaldet for dets Ringhed og slette Tilstand Skyld, skal Jens (Jenssøn) den yngre...være tagen ud af fjerde (d.e. øvste) Læctie i Trondhiems Skole, og ongefær Aar 1600 om Sommeren kaldet til Præst paa Lessøe, hvor han som en meget fattig Person kom vandrende."<sup>75)</sup>

Um òg slike tilfelle var blitt meir sjeldsynte, var det full grunn til aa fornya kravet um universitetsstudium, og i samband dermed aa setja ein viss alder for aa verta prest. Mange meldte seg til prestekall alt for unge, "uanset de ikke endnu ere bekvem deris egit hus at forestaa, meget mindre Gud allermektigstes kirke og menighed". Prestealderen vart difor i 1621 av kongen sett til 25 aar,<sup>76)</sup> likesom i den kanoniske rett, og i universitetskonstitusjonane av 1621 vart det forlangt ei viss tids opphald ved høgskulen for aa verta kalla til embete i kyrkja eller skulden, nemleg 2 eller 3 aar i samanheng, og for dei som hadde studert utlandslands, minst 1 aar. Tvo eller tri aar hadde ogso fyrr vore den vanlege studietid for dei fleste.<sup>78)</sup> I 1629 fastsette kongen 2 aar,<sup>79)</sup> i 1635 3 aar.<sup>80)</sup>

Sjølv um det i 1569 og 1621 var fyreskrive ei viss studietid ved universitetet, vart ikkje studiet avslutta med nokon eksamen. Dei som tok "avsked" fraa studiet, skaffa seg eit testimonium av rektor,<sup>81)</sup> og dei som paa kortare tid var "forløvet" fraa studiet, forsynte seg gjerne med testimonium fraa sin private præceptor. Desse vitnemaal var gjerne sterkt rosande,<sup>82)</sup> og professorane laut faa paalegg um aa halda seg til sanningi (1621).<sup>83)</sup>

Studentar med testimonium anten fraa universitetet eller fraa sin private præceptor fekk no løyve til sjølv aa melda seg til prestekall, og minst 2 eller 3 av søkjarane skulde stedast til prøvepreika for kallsnennene (1621).<sup>84)</sup>

I røyndi innførte desse fyreskrifter ikkje noko nytt. Eksaminasjon av presteemne fyrekom sjeldan ved universitetet.<sup>85)</sup> For aa bli superintendent laut ein prøvast av dei høglærde, men ikkje for aa verta prest. Preste-emni vart, etter gamall skikk, prøvde av biskopane (superintendentane); det var bispeeksamen det kom an paa for dei. Utkastet til ein norsk kyrkjeordinans 1604 inneheldt framlegg til ein fast skipnad med prøving av ordinandane fyre biskop og kapitel.

Men i 1629 skjede den viktige forandring, ved den store forordning Av 27. mars 1629 um kyrkjetukti og kyrkjeembetet, at der vart innført ei teologisk embetsprøva ved universitetet.

Det vart no ikkje berre forlangt testimonium fraa universitetet for i det heile aa faa lata seg høyra paa ein preikestol.<sup>86)</sup> Men professorane maatte ikkje gjeva testimonium til nokon utan aa ha examinert den unge mann og høyrte "kva gaavor han hadde til aa læra i kyrkja".<sup>87)</sup> Daa paalegget ikkje vart etterkome, gav eit nytt serlegt kongebrev av 7. november 1629 til rektor og professorar ved Kjøpenhamns universitet nærmare fyreskrifter um prøva.<sup>88)</sup> Dei som vil lata seg bruka paa preikestolen eller i høgare skuleembete, maa taka skriftleg attestasjon av minst 3 professorar, blandt deim ein eller tvo teologar, "formeldende, hvorvidt de sig i lærdommen og særdeles Guds kundskab, forfremmet have: nemlig at de saa in lectione biblica øvede ere, og in locis communibus sanæ doctrinæ et confessionis saa grundede, at man formoder, de med Guds aandis og naades hjælp og bistand sig med god forhaabning hos superintendentes til videre examen og hos provster og menigheder til at lade sig høre, hvor noget kald ledigt vorder, og ellers kunne angive."

Hermed er daa innført den teologiske embetseksamen ved universitetet. Men, som kongebrevet segjer med reine ord, var det meiningi, at bispeeksamen framleides skulde haldast. Og i eit samtidigt kongebrev til biskopane<sup>89)</sup> vart det paalagt deim aa halda sin vanlege eksamen med ordinandane, "uansett professorum attestasjon, som er allene it universitetis og studii examen, det òg fast andet og høiere er en Guds menighed at forestaa, end i nogen maade vel at have flittelig studeret". Den teologiske attestats er soleis aa rekna for ei kunnskapsprøva, men bispeeksamen er dessutan ei pastoral-kyrkjeleg prøva.

Attestasjonseksamen ved universitetet skulde haldast naarsomhelst paa dei fyrelesningsfrie dagane (onsdag) og laurdag.<sup>90)</sup> Seinare vart han halden sjeldnare, paa visse tider.<sup>91)</sup> - Men daa kongebudet um den nye eksamen vart kunngjort for studentane (6. april 1630),<sup>92)</sup> vekte det eindel

misnøgje; dei som hadde teke baccalaureus-graden, meinte dei burde vera fritekne for vidare prøva;<sup>93)</sup> det kunde naturlegvis universitetet ikkje gaa inn paa.

Det vart til og med innført den skipnad, at dei som heretter vilde promoverast til magistrar i det filosofiske fakultet, ogso skulde eksaminerast av dei teologiske lærarane in lectione biblica et locis communibus.<sup>94)</sup> Magistrane maatte med andre ord underkasta seg teologisk attestats, og dette krav fraa universitetet fekk medhald av kongen; han fyreskreiv i 1636, at dei magistrar som heretter vilde verta kalla til tenesta i kyrkja og skule, maatte - likesovelsom andre - taka teologisk attestats, "efterdi philosophia og theologia ere tvende underskedlige videnskaber, og ligesaavel magt paa ligger at erfare, hvad mæng og forfarenhed magistri udi den hellige skrift haver som andre."<sup>95)</sup> Etter dette vart skulemänner nøydde til aa taka baade den filosofiske magistergraden - som var fyreskriven for høgare skuleembete i 1604 - og den teologiske attestats. Men prestar kunde nøgja seg med teologisk attestats. Mange prestar tok ogso magistergraden, men oppnaadde ikkje dermed nokom høgare rang enn andre av sine embetsbrødrar,<sup>96)</sup> med mindre dei hadde gjort seg serleg fortent i akademisk verksemd eller i embetsgjerning.

Ein viktig led i presteutdanningi var preikeøvingane.<sup>97)</sup> Det var gamall sedvane, at studentane i si studietid øvde seg i aa preika. Men det var ikkje gjort noko serlegt for aa skaffa deim ei regelbundi øving i denne kunst. Og so lenge der ikkje var nokon avgangseksamen ved avslutningi av det teologiske studium, var der heller ikkje nokor avsluttande homiletisk prøva.

Da teologisk eksamen vart innført i 1629, kom teologisk attestats til aa verta eit vilkaar for aa faa upptreda paa preikestolen - d.v.s. som predikantar for ein kyrkjelyd. Men det syntte seg snart aa vera ei lite heldig ordning, at studentane berre med sin teologiske attestats i lomma kunde byrja aa preika, utan aa ha vunne den naudsynlege øving.

"Daglig forfarenhed udviser, heiter det, hvorledes en del unge studenter, strax de have faaet attestation om deres studiis, sig understaa paa prædikestolen at optrede, dår Guds menighed i deres saligheds sag at lære og undervise. Og eftersom de ere uøvede og ville dog, hvad heller deres vidskab tilrækker eller ikke, timen udholde, da geraader de ofte udi en talenhed, som uden den forhaabede frugt og opbyggelse afgaar; hvilken sedvane udi saadanne hellige forretninger de siden følger, - hvorudover er vel at befrygte, at Gud den allerhøjestes hellige navn ikke bevises den ære og andagt som Guds ord dennem lærer og befaler."<sup>98)</sup>

Difor innførte Christian IV 9. jan. 1635 regelbundne homiletiske øvingar ved universitetet. Oratoriet i Regensen, den kongelege studentheimen, vart innretta til soknekyrkja for studentane, med altar og preike-

stol, og her skulde preikeøvingane haldast. Der skulde takast ut 24 eksaminerte studiosi til aa driva med desse øvingar - dei beste over evangeliet, dei neste over epistelen, dei siste over katekisma. Professorane, serleg teologane, men òg andre, skulde styra øvingane, og dela dei millom seg. Kvar skal rettleida sin student: læra honom korleis han bør forma preika, lata han skriva eit konsept og gjennomgaa det med honom, og visa kva som bør rettast i det, vera til stades naar han preikar og akta paa hans gestus, methodus, res og modus, gjera han merksam paa feil og overdrivingar, sjaa til at han rettar seg neste gong, halda han til aa enda preika paa ei viss tid, so han ikkje venjer seg til "unyttig svatsen". Ingen skulde stedast til teologisk attestats med tanke paa straks aa gaa i prestetenesta, utan han hadde preika minst ein eller tvo gonger. - Ogso i gymnasia og dei største skulane skulde det vera høve til preikeøvingar for dei som vilde i nærvar av rektor og hans medtenarar.<sup>99)</sup>

Der er i denne skipnaden ikkje sagt noko um avsluttande homiletisk prøva ved universitetet, det er berre tale um øvingar og rettleiding. Men saki vart tillagt stor vekt. Det var fraa fyrste stund fyreskrive, at universitetet skulde gjeva dimittendane vitnemaal um deira øving og framgang i aa preika, "i deres attestation eller testimonio",<sup>100)</sup> og i 1643 forlangte kongen uttrykkeleg skriftlegt vitnemaal um deira "gaver" i dette stykke, utanum den teologiske attestats.<sup>101)</sup>

Sidan den tid var det skikk, at kandidatane heldt ei prøvepreika (dimisspreika) i Regens kyrkja eller i Trinitatiskyrkja i nærvar av professorane som gav sitt vitnemaal paa grunnlag herav. Universitetet meldte (1635) biskopane, at for framtidi maatte ingen ordinerast til prest utan vitnemaal um dugleik til aa preika. Og i rektors-testimoniet, som var paabode i 1569, vart vitnemaal i um baae embetsprøver ved universitetet inntekne, sovel um den teologiske som um den homiletiske.

Sluttsteinen vart sett ved Christian IV's store recess av 1643, som tok upp alle dei nye fyreskrifter um prøving og øving av presteemni ved universitetet, og forlangte det dubbelte vitnemaal - litteras attestationis et dimissionis - for aa stedast til aa "preika paa noko kall", d.v.s. søkja presteembete, og taka kallsbrev.<sup>102)</sup>

Etter at det var innført ei dubbelt prøving av prestemni ved universitetet, ei teologisk og ei homiletisk, fekk bispeksamnen ein noko annan karakter. Hittil hadde denne prøva vore halde offentleg i konsistorium (d.e. i kapitlet), men sidan 1640 vart ho haldi i einrom med biskopen.<sup>103)</sup> Grunnen til denne forandring er ikkje nærmare kjent. Men det var ikkje meiningi, at bispeksamnen skulde missa sin sjølvstendige verdi - tvertimot.<sup>104)</sup> Som fyrr galdt denne prøva dei same emne som det teologiske studium gjekk ut paa: articuli fidei og lectio biblica.<sup>105)</sup> Men daa det

fyrekom dømme paa, at dei som hadde faatt attestats ved universitetet og kall til presteembete, "in examine for bispen hel ilde haver bestaaet", forlangte kongen (1646) at kravi ved universitetsprøva skulde skjerpast.<sup>106)</sup> - Biskop Erik Bredal i Trondheim stelte paa si side strengare krav ved bispeeksamen.<sup>107)</sup> Han let prøva atter halda offentleg og eksaminasjonen protokollera. Han rejecerte karar som hadde faatt testimonium fraa universitetet,<sup>108)</sup> let stundom ordinandane gjeva skriftleg lovnad um aa framstella seg seinare til ny prøving, og daa leggja for dagen grundigare kunnskap, ja han kravde av kapellanar som var forfremja, at dei skulde vaka ny eksamen hos biskopen.<sup>109)</sup> Serleg det siste kravet vekte uvilje, og det kom upp strid um det millom presteskapet og biskopen; striden førte til forhandlingar paa eit kapitels- og provstemøte under kongelege kommissærar (1654), men endte med at biskopen drog det kortaste straaet og vart tilhalden av kongen aa avstaa fraa ny eksaminasjon av eksaminerte og ordinerte kapellanar, og forresten retta seg etter ordinansen og recessen (1656).<sup>110)</sup>

Den eksaminasjon som superintendenten etter kyrkjelovene hadde plikt og rett til aa halda med prestemni,<sup>111)</sup> var eit viktig kyrkjelegt prerogativ. Det vart uttrykkeleg fastslaatt i forordningi um kyrkjeembetet 1629 og i recessen av 1643,<sup>112)</sup> at "alle kaldsbreve conditionales bør at være; dei skulde gjelda berre "saafremt den kaldede person av superintendenten ikke skikkelig, tjenlig og duelig, saadan høye embede at betjene, befindis". Men denne retten skaffa biskopen ofte vanskar med soknefolket,<sup>113)</sup> - enndaa kallsmennene hadde høve til aa gjera nytt presteval,<sup>114)</sup> - og saki vart ikkje lettare etter at eineveldet hadde medført store forandringar i det kyrkjelege patronatet.

Studentar som forsaag seg med legermaal, fekk ikkje kallast til presteembete eller skuletenesta fyrr 2 aar var gaatt (16. mai 1647).<sup>115)</sup>

#### Noter til XII. 4. Betre preste-emne.

- 1) P 507ff.
- 2) Erichsen, Thj. 33.77.
- 3) KhS 3 II, 705-6.
- 4) Andersen, Rosenkrantz, 175 (Worms Epistolæ I, 15.41).
- 5) Erslev, Rigsr. I, 267.275.
- 6) Secher III nr. 580 note.
- 7) NR IV, 160.
- 8) NR V, 285, jfr. VIII, 155.
- 9) Erichsen, Thj. s. 35.
- 10) NR V, 536.
- 11) NR VI, 197.
- 12) NR VII, 269-72.



- 13) Secher IV, nr. 574.
- 14) NR VI, 682. VII, 95.
- 15) jfr. NR VII, 337.412.
- 16) NR VII, 548.581.
- 17) P. 518ff.
- 18) Utkast: DMag. 5 I, 37-45.
- 19) DMag. 5 I, 45-7.
- 20) P 521ff.
- 21) DMag. 5.I, 39-40.45.
- 22) P 534 ab.
- 23) Secher IV, 467 = DKL III, 160. V, 146f. (Rec. 1643, I.1.5).
- 24) Matzen II, 123-4.
- 25) ib. 131. DKL III nr. 354.
- 26) DKL III nr. 455.
- 27) K.Fr. Univ. I, 327-8.
- 28) P 535ff.
- 29) N.Kh.S. I, 129-32; jfr. Gjellerup, Jersin, s. 97<sup>2</sup>. Rørdam, Hist.Saml. II, 176-7.
- 30) jfr. DKL III nr. 162.
- 31) Rietz, Skånska skolväsendets hist., 629f.
- 32) trykt: Rietz 631-55.
- 33) DBL. VIII, 459.
- 34) P 499ff.
- 35) "Substantia - et Væsen, er en værendis Ting, som haver Understændighed ved sig selv, og ikke lider at det siges mere eller mindre at være til, men opholder Tilfald, udi hvilket adskillig Slavg siges at være disparater - adskillige at ligne - og ikke contrarier - tvertimod hverandre".  
"Et Væsen, som tyndest forekommer, kaldes Aand, hvor heden hører Engle og Sjele, Og det som er tættere, kaldes Legom".  
Nyerup, Lat.Sk. 94.
- 36) Rørdam, Hist.Saml. IV, 482.
- 37) P 505ff.
- 38) jfr. Kort Aslaksson.
- 39) DKL III nr. 119. Jfr. KhS 3.II, 707.716.
- 40) Andersen, Rosenkrantz, 177.
- 41) P. 502ff.
- 42) DBL VIII, 458-9.
- 43) Werlauff, Ant. 263. 47.
- 44) P 544f.
- 45) PRE<sup>3</sup> XXI, 370. RGG II, 2121.
- 46) DBL XII, 286.

- 47) P 549f.
- 48) Gjellerup, Jersin, 97.
- 49) DKl III, 161. BD I, 262.
- 50) P 546f.
- 51) 1629. DKl III, 160.180.
- 52) Nyerup 96-7.
- 53) DKl III nr. 162.
- 54) Dette var fyreskrifti i KO. 1537/39.
- 55) DKl III nr. 252.
- 56) jfr. DKl III nr. 161.
- 57) Nyerup s. 93. Gjellerup s. 97.
- 58) DKl III nr. 268.
- 59) Erichsen, Bergens K. 79-80.84.
- 60) Rietz s. 631.
- 61) Rietz s. 633.
- 62) DKl III nr. 215.252. Er. Bg.K.
- 63) Rietz 633.
- 64) DKl III s. 270.
- 65) P 522ff.
- 66) Rørdam Kbh.Uni.H. III, 338-40. Andersen, Rosenkrantz, 190.
- 67) DMag. 5 I, 46-7.
- 68) P 707ff.
- 69) Helveg<sup>2</sup> I, 418.
- 70) Andersen, Rosenkrantz, 198.
- 71) J. Møller, Hist.Calender I, 291f. Helveg I, 418. DBL XVI, 599.
- 72) Andersen, Rosenkrantz, 197-8. Rosenberg, Aandsl. III, 308-9. DBL.
- 73) Andersen, Rosenkrantz, 192-6.
- 74) P 525ff.
- 75) Hjorthøy II, 11.
- 76) DKl III nr. 81. Secher III nr. 575.
- 77) DMag. 5.I, 41.46.
- 78) Rørd. KUH III, 433.
- 79) DKl III nr. 154.
- 80) DKl III, s. 241.
- 81) jfr. DKl III s. 84.
- 82) jfr. DMag. 5 I, 61.
- 83) Ny KhS II, 659.
- 84) DKl III nr. 84.
- 85) Rørdam, Arreboe I, 99 note.
- 86) DKl III s. 158, Secher IV s. 465: fr. 27/3 1629 II § 1.
- 87) II § 2.
- 88) DKl III nr. 154.
- 89) DKl III nr. 155.

- 90) DKL III nr. 154.
- 91) P 628-9.
- 92) kunngj. tr. DMag. 5 I, 144-5.
- 93) Ny KhS II, 660-1.624.
- 94) ib. 661.624.
- 95) DKL III nr. 235.
- 96) DKL III nr. 358.446.
- 97) P 632ff.
- 98) Ny KhS II, 627 = DKL III nr. 217.
- 99) II. 4.
- 100) DKL III, 239.
- 101) "hos attestationem". Secher V, 195.
- 102) Secher V, 145.
- 103) Pont.Ann. IV, 321. Ussing, Kirkeforf. III, 144-5.
- 104) jfr. DKL III, 175-76.
- 105) Ewensen, Saml. I.1, 83.
- 106) DKL III, 330.
- 107) Daae, Thj.St.geistl.H. 103-4.
- 108) ib. 105-6. Ewensen, Saml. I.1, 77-88.
- 109) Bredal paaropa eit kongebrev fraa 1601, som han hadde faatt fornya for 3 aar sidan (fyre 1/8 1654). Ewensen I.1, 86. Jfr. ogso Rec. 1643 1-1-20-8.
- 110) NR IX, 574.
- 111) DKL I, 75. NKO 14. Rec. 1643. 1-1-1.2, 1-20-1.8.
- 112) II. 6. Secher V, 156.
- 113) jfr. Pont.Ann. IV, 471.
- 114) II. 8, etc.
- 115) DKL III nr. 323.

I sitt teologiske system gjev Jesper Brochmann fylgjande definisjon av det kyrkjelege embete:<sup>1)</sup> Ecclesiasticum ministerium est munus sacrum et publicum a Deo institutum, et hominibus idoneis per legitimam vocationem commendatum, ut peculiari potestate instructi, verbum Dei doceant, Sacramenta ministrant, pro grege commisso apud Deum intercedant, et è prescripto verbi divini disciplinam exerceant, idque ut hæc ratione Dei gloria et æterna hominum salus propagetur. - Aa forkynna og undervisa i Guds ord, aa utdela sakramenti, aa gjera forbøn for kyrkjelyden, aa øva kyrkjetukt, - dette er dei fire hovudoppgaaavor for presten i hans gjerning, - dertil kjem den femte: aa syta for fattige og sjuke. Desse fem ting er arbeidsmidlane aat presten i tenesta for kyrkja. Og formaalet er dette dubbelte: Guds æra og oppbygging og æveleg frelsa for menneskior.

Slik saag 1600talet paa prestetenesta. Denne tid hadde ein levande og djup age for Guds heilagleik og majestet. Ordet som presten forkynner, er "Guds hellige ord". Sakramenti som han deler ut, er Jesu Christi skipnader, "den hellige dabb", "det hellige himmelske maaltid". Prestetenssta er "ei heilag tensta", "innsett av Gud". Paa preikestol og i skriftestol er presten "Guds og Christi utsending",<sup>2)</sup> - og det same er han ved døypefont<sup>3)</sup> og altarbord.<sup>4)</sup>

Med ei slik syn paa prestetenesta var det naturlegt, at 1600talet la ei hovudvekt paa forkynningi av ordet og undervisningi og kravde fullkomen reinleik og einskap i læra. For læra er guddomleg og heilag. Og det hev verkeleg lukkast aa gjennomføra lære-einskap i vaart land. Det gjeld i det heile for den evangelisk-lutherske kyrkja paa 1600talet, at der aldri nokor tid hev raadt større uniformitet i læra enn daa, - og det ikkje minst i Noreg. Me hev høyrte korleis landet vart halde stengt for katolikar, - det same galdt kalvinistar, ja ogso avskygningar innanfyre lutherdomen. Episkopatet var paa sin post. Daa den tyske presten Christopher Gypner i 1609 framstod for kapitlet i Bergen for aa avleggja eid, viste det seg at Formula Concordiæ var umtalt i hans ordinasjonsbrev fraa Lübeck (1604). Biskopen, M. Anders Mikkelssøn Kolding, paala honom paa det strengaste, at "han med det allerførste skulde den afskaffe og herudaf rigerne aldeles bortskikke".<sup>5)</sup> - I 1610 mænte Bergens-biskopen aa finna kryptokalvinsk læra um nattverdsakramentet hjaa soknepresten ved Korskyrkja hr. Peder Foss, nemleg at det aa eta og drikke nattverd-elementi fyregaar paa aandeleg vis, ikkje realistisk.<sup>6)</sup>

Wilfelle som desse fyrekjem ikkje ofte i denne tid. Og i det heile vart det paa 1600talet sjeldan bruk for læretukt imot prestar i den norske kyrkja. Retttrunads-tidi hjaa oss er ikkje berre karakterisert med einskapen og reinleiken i læra. Det var minst like mykje um aa gjera med gudstenesta. I sterkare mun enn fyrr reknast gudstenesta no for ei heilag tenesta, og dei rituelle former stod høgt i æra. Kjernen

i all gudsfrykt var fyrst og fremst flitug deltaking i gudstenesta i kyrkja. Kyrkjetenesta er ogso kjelda til all personleg og privat andakte øving. - Difor var det eit hovudkrav, at prestane gjorde alt som hørde embetet til, samvitsfullt og rett.

Serleg vart det halde strengt paa ritualet, naar det galdt nattverden. Aa dela ut brødet og vinen i uriktig orden ved altargang "imod de klare bogstave" reknast for "en meget grov og forargelig forseelse".<sup>7)</sup> Slikt fyrekom stundom i reformasjons-hundradaaret,<sup>8)</sup> men oftare paa 1600talet, vart paatalt for kyrkjeleg domstol og ofte for kongen sjølv. Um ein prest hadde "forseet sig" med administrasjonen av altarsakramentet, paa denne eller annan maate, fekk det gjerne slemme konsekvensar for honom.<sup>9)</sup> I 1637 kom det ei kongeleg forordning som gav ei generell fyreskrift,<sup>10)</sup> - strengare enn den eldre praksis. Naar slikt hendte, var fylgja suspensjon, offentligt skrifte, forhøyr av biskopen fyre landemodet (kapitels- og provstemøte), og alt ettersom presten hadde gjort det av drukkenskap, av aktløysa, eller for vanhelsa, skulde det gaaast strengare eller mildare fram imot honom. Men han fekk ikkje i noko fall forretta meir som prest. - Den sistnemnde harde regelen vart likevel ikkje alltid fylgt i det praktiske liv. Soknepresten i Fjelber i Sunnhordland, hr. Peder Rasmussøn, var ute for eit slikt misgrep, men det vart opplyst at han hadde gjort det "ikke af drukkenskap, ei heller af uagtsomhed, men af svagheid og sværmodighed", og daa han hadde eit godt vitnemaal baade for læra og liv, fekk han byta kall med presten i Ullensvang (1641).<sup>11)</sup>

Eit bilæte av prestegjærningi slik som den tid ideelt saag ho, fær me i Jesper Brochmands sendebrev 1644, som fyrr er umtalt og som ogso vart utgjeve i Christiania same aaret. Det er paaverknaden paa kyrkjelysten Brochmand her fyrst og fremst hev i tanke, - hans formaningar<sup>12)</sup> viser framfor noko anna arbeidsmaaten aat kyrkja i ei tid daa alt kristenliv var konsentrert um gudstenesta og embetet.

I sine preikor skal prestane formana tilhøyrarane til aa takka Gud for hans Ord, raada deim til aa koma i Herrens hus sosnart tenesta byrjar, lova Herren i salmesongen, gjeva nøgje akt paa preika, oververa daap og nattverd med gudeleg aktsemd og ikkje gaa fyre velsigningi. Dinæst skal prestane overhøyra dei unge, og forfara kva dei hev lært og festa seg ved av preika, og læra deim kva dei skal beda naar dei kjem til kyrkja og naar dei gaar derifraa. Vidare skal prestane formana tilhøyrarane um, at straffi for aa overtreda Guds Ord vert di større, di klaarare dei hev det og di lenger dei hev havt det i fredeleg og roleg velstand. Presten maa sjølv fyregaa folket med eksempel i liv og levnad, - vidare innprenta Christi etterfylgjing, og taka fraa menneskjerne den store tryggleik (sikkerhed) som dei er sunkne ned i; dette siste skjer ikkje berre ved aa tala um krig og blodstyrting, pestilens og braad

laude, um hunger og dyr tid, o.l., men især um Guds nærvær til vern over dei gode, til straff over dei vonde, um døden, Jesu blodige sveite og saar, domedag, helvite og himmerike. Dei skal tilraada bøn ikkje berre i kyrkja, men òg i heimane, - og Brochmand nemner som eksempel korte inderlege bønner. Men vidare skal prestane gjeva akt paa livet og levnad-en aat tilhøyrarane. Det er ikkje nok at ein Guds tenar aalment lærer fraa preikestolen, men det er især hans embete aa aatvara kvar av tilhøyrarane um sine brøst i skriftestolen. Og endeleg skal prestane inn-skjerpa at i naudstider hjelper ingi makt - kor stor ho er - utan Gud vil, - og at kor ringe ei makt enn er, ho er nok til hjelp naar Gud vil. ^ Og han skal ideleg ropa av hjarta i trui til Gud, at han vil vera kraftig ved ordet i hjarto aat tilhøyrarane.

Naar prestemni vart prøvde av biskopane, um dei dugde til tenesta i kyrkja, galdt prøva likesovel livet som lærdomen. Og ved visitas var ^ det biskopane si plikt ogso aa halda tilsyn med, um prestane i liv og lev-nad verka til fyredøme for kyrkjelyden. Men gjorde prestane alltid det?

Det er vel ingi tid i den danske og norske kyrkjesoga, daa det so ofte og so sterkt vart klaga over livnaden aat prestskapet som i slutt-en av reformasjonshundradaaret og utover i 1600talet. I 1579 skreiv kong Frederik II til biskopane i Danmark, at "her udi rigit udi stifterne mangesteds findes stor brøst hos prester saa vel som provister paa lands-byerne og udi kjøbstederne, at mange deres levnet og lærdom ikke følgis ad, men en part dennum fører et utilbørligt levnet udi ideligen drukken-skab, horeri og andre saadanne grove laster, hvormed de giver andre for-argelse."<sup>13)</sup> - Umlag ord til anna den same klaga vart teki uppatt og jam-vel forsterka i kongebrev i Christian IV's namn 1593 til biskopane i Noreg: - "den megen store brøst og mangel som paa mange adskillige sted-er findis hos presterne...osv...over alt vort rige Norge, saa at...stør-ste part dennem føre et utilbørligt levnet...osv."<sup>14)</sup> - I utkastet fraa superintendentane i Noreg til ein norsk kyrkjeordinans 1604 gjeng same klaga att, men i den mildare form fraa 1579: "...udi stifterne, ogsaa udi Norge, mangesteds...en part iblandt dennom..."

Ein skulde synast denne skildring var overdrivi, - i alle fall i den form, at so mange som "den største part" av prestane førte ein util-børleg livnad, og ein er tilbøygjeleg til aa festa mest lit til den versjon, at klaga berre gjeld "en part blandt dennom". Men um denne part-en var miadre eller større, kunde vel vera ei skynssak. Fullstendig over-syn over tilstandet i detalj hadde dei vel ikkje eingang i daatidi, og for oss er det sjølvsaagt uraad aa vinna det, daa me ikkje hev kjeldor til det. Men me veit ikkje so lite, ja meir enn nok, og det me veit visst, gjev ikkje noko lystelegt bilate.

Um den episkopale prestetukt hev me kunnskap serleg fraa Oslo-Hamar bispedøme, - i uppteikningar fraa biskopane Jens Nilssøn og Nils

Glostrup. Fleire tilfelle er nemnt, daa biskopen greip inn med formaning og aatvaring ved visitas, og nøgde seg med det. Men opplysningane um desse er kortfatta og segjer ikkje so mykje. Viktigare er dei meir graverande tilfelle, som gjekk inn under den kyrkjelege jurisdiksjon og vart fyrehavde for kyrkjeleg domstol; dei er utførleg framstelt i kapitelsprotokollane. For Bergens bispedøme er kapitelsbøkene fraa 1600talet gjenomgaatt av Daniel Thrap som hev meddelt resultatet i ei avhandling um Bergenske Kirkeforhold i det 17de Aarh.<sup>15)</sup>

I aari 1604-1646 finn me i Bergens bispedøme ikkje mindre enn 48 prestar som var innkalla for kapitelsdomstolen, d.e. i gjennomsnitt minst ein um aaret. Riktignok var det fleire aar ingi prestesak fyre, men andre tider var det upptil 4 paa eit aar. Størsteparten av dei innkallte prestane fekk sin dom, og domen lydde for det meste paa avsetjing. Dei allrafleste prestesaker ved Bergens domkapitel var av kriminell natur. I tidi fraa 1604 til 1700 vart 31 prestar i Bergens bispedøme avsett - ein kvart tridje aar. Sume fekk lov til aa gjeva upp kallet friviljug for aa undgaa avsetjingsdomen - men resultatet kom ut paa det same. - Tvo av dei avsette prestane vart sidan av verdsleg rett dømt fraa livet. Den eine av desse slapp seinare med landsforvisning, den andre mista hovudet, - det var mester Jon Mogensson (Skanke), sokneprest i Innvik i Nordfjord og provst.<sup>16)</sup>

M. Jon Mogensson lyt reknast for eit undantak. Det hev, sovidt me veit, ikkje skorta honom paa lærdom eller gode gaavor. Han hadde studert i Tyskland og teke magistergraden i Rostock, han hadde uvanleg kjennskap til gamalnorsk, og for sin kunnskap i kjemi vart han av mange halden for ein trollmann.<sup>18)</sup> Men han sakna fullkomleg moralsk kjensla og var ei uvyrda av verste slag. - Til aa byrja med var han eit par aar rektor ved katedralskulen i Bergen, og vart her gift med dotter til biskopen M. Anders Foss, men baade mot kona si og hennar foreldre for han aat med største brutalitet, forsaag seg mot henne "med skjænden, banden, hug og slag", og fortørna og vanæra og forulempa verforeldri sine. Han kom i fengsel i Blaataarn i Kjøpenhamn, men slapp ut att, og universitetet fekk istand forlik millom partane (1596). - Som prest heldt M. Jon sidan fram med si skammelege aatferd mot si hustru og mishandla henne, samtidig som han stod i tilhøve til fleire andre kvinnor og jamvel freista med fosterfordriving paa ei av dei, - ja han la seg ut um aa faa kona si skulda for det same brotet som han sjølv var skuldig i, - utruskap, so det var ikkje underlegt at ho meldte han til øvrigheiti. Det vart ogso klaga over at han (i si prestetenesta) var vilkaarleg med medlemmer av kyrkjelyden med nattverd og truloving og absolusjon; men serleg kom det honom dyrt aa staa, at han hadde drive ulovleg handel imot Bergens bys privileg, og at han hadde ærekrenket futen. Straffesaker vart reist mot honom baade for kyrkjeleg og verdsleg rett (1616,

1617). Daa han drog til tinget i Davik for aa svare for seg, bad han dotter si, at "dersom hun fornem, at han ikke kom igjen, eller hannem kom noget at skade paa hans liv, maaske for hendes moders skrivelser skyld, da skulde hun hade sin moder som en hugorm og forgift og holde hende for sin faders morder, og hun skulde være forbandet af Gud, om hun ikke rettede sig derefter, og det samme skulde hun forkynde sin broder, at de derefter skulde rette sig, thi det var hans testamente."<sup>19)</sup> Ved kyrkjeleg rett vart han avsett og skild fraa kona si, og ved verdsleg rett dømt til dauden "for sine mishandlinger"<sup>20)</sup> (1618) og halshoggen. Folkesegni heldt han for uskuldig.

Sogodtsom alle dei prestane i Bergens bispedøme som miste embetet i tidi fyre 1660, fekk sin dom for utilbørleg livnad - utukt eller drukkenskap, ofte ogso slagsmaal og misbruk av prestestillingi. Straffene varierar - fraa suspensjon og pengebot til avsetjing og landsforvisning. Avsetjingsdom var sikker for lauslivnad. Men prestar som forsaag seg med legermaal, fekk i regelen fyrr eller seinare, naar dei hadde staatt offentlegt skrifte, benaadning av kongen og løyve til aa søkja nytt embete, stundom i eit anna bispedøme, eller i Danmark. Denne mildleik var vel ogso grunnen til, at kyrkjedomstolen stundom let seg nøgja med suspensjon, for at vedkomande sjølv kunde søkja naade.

Ikkje faa av dei prestar som kom fyre kyrkjedomstolen, var slike som i den tids spraak kallast "urolige", - dei kunde ikkje halda seg fraa "kiv og trøtte, klammer og uenighed", dei brukte uhøvisk munn i umgang, og "skelden, hadskhed og vrede" paa preikestolen. - Blandt desse var det fleire kapellanar, som hadde bore seg usømelegt og brutalt aat mot sine sokneprestar. Ein hadde "i sin drukkenskap overfalddt sin sogneprest baa med skjeldsord, saa og med hug og slag", - ein annan laag i ideleg tretta med sin gamle sokneprest for di han ikkje fekk so mykje øl han vilde. - I 1629 maatte soknepresten i Leikanger stemna sin kapellan for retten fordi han hadde overfalle honom i hans hus, "med dragen kniv og bøsse", slege sund bordet med bøssa daa folk kom og la seg imillom, og sagt han vilde taka livet av soknepresten med eigi hand. - Strid millom kapellanar og verdslege embetsmenn fyrekom rett som det var, - dei unge prestane hadde sagtens lett for aa syna sitt akademiske ovmod mot borgarlege futar og sorenskrivarar. I 1632 var kapellanen i Ulvstein paa Sunnmøre i strid med sorenskrivaren i eit samkvem med bønder; skrivaren for etter presten med dregi verja og reiv honom i haaret, og i sjølvforsvar slo presten eit stort hol i hovudet paa skrivaren med ei sylv-kanna.

Det høyrde til oppgaava aat prestane aa "straffe (refsa) synd og ondskab" baa i kyrkja og utanfor. Men det vart ikkje alltid talt med visdom og kjærleik, - meir enn ein prest misbrukte si mynja. Det var



prestar som nytta preikestolen til aatak paa personlege uvener. Presten i Luster hadde i 1605 "prædiket om en foged som skulde være en preste-hadere, og som skulde blive nedsunken paa Sognefjorden". - Ein kapellan i Os hadde i 1612 fraa preikestolen klandra tvo bønder som ikkje var i kyrkja, for at det forsømte kyrkjetenesta og at dei fiska ulovleg mot forbod fraa øvrigheiti og til skade ofr andre, - "og dersom de i saadant vbliver fremturende, da bliver de forbandet, indtil de retter og bedrer dem."<sup>21)</sup> - Ein prest i Fjelber laag fraa fyrste stund i stadig strid med kyrkjelyden, fordi han - som han sa - hadde "straffet synd og ondskab", men han gjorde det paa sin eigen maate, ogso i brudlaup og barsel, med skjellsord og nevane og dregen kniv, og vart dømt fraa si æra. - Ein prest i Jølster, ein dansk mann, heldt slikt styr i preste-garden, at hans gjester ikkje vaaga aa sova i hus med honom, - ein slektning maatte røma ut i naustet um natti, og prosten torde ikkje anna enn gaa til grannegarden og liggja der. Skyssfolket, som skulde ro presten til kyrkja, maatte gøyma seg til middagstid for hans raseri, og ein sundag kom presten til kyrkja klora og blodig i andletet, - han hadde slegest med fylgjesveinen sin i baaten. Han vart avsett (1651).<sup>22)</sup> - Same dom raaka samtidig presten i Herøy: han hadde òg forsømt kyrkjetenesta for drukkenskap, brukt "utilbørlig skelden og andre forargelige og usømmelige ord paa prædikestolen", misbrukt skriftestolen, forset seg med altarsakramentet, nekta aa fara i soknebod, forsømt gravlegging, tala forakteleg um heilage ting, gjeve skammelege svar, brukt forbanningar og vonde ynskje, vore i slagsmaal paa kyrkjegarden og mange andre stader, og hadde ord for aa vera girug og havesjuk.

Dei prestane som vart klaga for drukkenskap, var mange, - det hendte ikkje berre at dei kom drukne til kyrkja, men det hendte òg at aal-mugen kom, men ikkje presten (3 sundagar ved Herdla i 1624). I slike fall vart presten dømt fraa kallet, eller han sa det fraa seg. - Drukkenskap var elles den tid so vanleg, at mykje vart tolt, baade av folket og av øvrigheiti. Ein prester i Jølster "var nogle gange kommen drukken til kirken, men havde dog sit kald og bestilling udrettet, saa bønderne ikke klage paa ham". Ved provstevisitas i Ølen i Fjelber 1647 hendte det, - som provsten skriftleg vitna - , "at Hr. Anders...ved et temmeligt rus forrettede tjenesten, dog at alt blev vel forrettet".<sup>23)</sup> - Folk kjente ikkje annan dagleg drykk enn øl - og av øl vart det drukke mykje. Biskopen i Bergen hadde lov aa innføra tollfritt 24 tunnor um aaret, og kvar av sokneprestane 12 tunnor.<sup>24)</sup>

For dei andre bispedømi saknar me tilsvarande granskingar som for Bergens stift. Men dei døme som me kjenner fraa dei fyrste tvo-tri ti-aar av 1600talet fraa Stavanger og Oslo bispedøme er like nedslaaande.

I Vanse paa Lista var tilstandet syrgjelegt ikring 1600. Sokne-

presten og kapellanen laag i "innbyrdes forargelse, klammer og trøtte" og forsømte sine embete. Klaga gjekk m.a. ut paa at hr. Anders nekta aa koma med sakramentet til sjuke folk, han let lik liggja utan gravfesting, nokre sundagar var han i andre prestegjeld "sin egen verdslige bestilling at udrette", stundom var han ein halv maanad fraa hus og heim "og mest udi sløring og sus". Ein sundag forsømte han kyrkjetenesta og barne-daap, og ein bonde døypte barnet, daa presten ikkje kom. Ein annan sundag kom han "drukken og full" i kyrkja og gjorde altartenesta og delte ut sakramentet i denne tilstand. Kapellanen og soknepresten var uvener, - dei var blitt forlikt av riksraadane ved herredagen i Bergen 1599, men dei braut forlikt, soknepresten gav kapellanen "spodske gloser", og kapellanen baktalte soknepresten. Dei slost i huset aat provsten og trøtta i kyrkja i nærver av aalmugen. Baae vart avsett ved kapitelsdom 1601.<sup>25)</sup> -

I 1613 dømte Oslo kapitel sokneprestane paa Eidsvoll og Gjerdrum i pengebot for blodigt slagsmaal i drukkenskap. Den verste av dei var hr. Nils paa Gjerdrum; ved visitasen i 1618 vart det klaga over at han "gjør stor forargelse, idet han ilde lever med sin hustru og øver sig i daglige drukkenskap". Det hendte han forsømte kyrkjetenesta; ein gong var han reist til Oslo; ein annan gong, "dominica prima adventus, vare sogne-folket forsamlede, og sende bud til hr. Nils med tvende mend, at han vilde komme til kirken, ti almuen var forsamled. Svared han, at der stod en skorstensild (pipevarme) og brende, den vilde han først se udbrende. Samme tid drakk han med Peder Eriksen etc." Han hadde ogso nyst vore i slagsmaal. Likevel var øvrigheiti tolmødig og let han faa tid til aa betra sitt liv.<sup>26)</sup>

I 1597 vart hr. Christen Pederssøn, sokneprest i Haaland paa Jæren, dømt fraa embetet for drukkenskap. Han hadde ofte vore formana, men utan nytte. Tilslutt klaga 210 bønder paa vegner av aalmugen og bad um aa verta kvitt presten. Dei gav klagligen tilkjende at de ikke lenger kunde fordrage hans grove forsømmelse med anden ulempe, efterdi de fornomme, at han blev jo lenger og verre og ingenlunde vilde sig forbedre efter de mange advarsler og paamindelser, som hans biskop havde tilforn her for capitelet udi mange lærde mends nerverelse givet hannom, og her hos beklagede baade paa deris egne og den ganske almues vegne, at de vare forraadde med hannom, efterdi han ingen løft og bepliktelse vilde holde, som han gjort havde under hans embeds fortabelse, at han sig forbedre skulde, men der efter ideligen og stedse er kommen drukken og ubekvem udi kirken om søndager og andre hellige dager, naar han skulde gjøre kirketjeneste, saa at folkene kjedis og vemdis ved at lafe sig skrifte av hannom, besønderlig for den slemme og ulidelig stank og lukt der stod av hannom, og var der til med aldelis ubekvem til at holde messe og have prediken for almuen for hans drukkenskabs skyld, efterdi han

ikke kunde akte som andre Guds ords tjenere at have det samme evangelium di predikstolen som han havde for alteret, men en anden text, som hannom alt i sinde. Item de beklagede ok, at han om søndager, førend han be-ønte kirketjeneste, saa møgit havde drukket, at han (med tuktt sagd) aatte lade sit vand udi predikstolen. Udi lige maade klagede de ogsaa, t han mestedelen var altid saa drukken, naar han skulde udrette de ande stykker som hørde til hans embede, saa at efter han undertiden havde iet avlet og vin for alteret og skulde uddele sakramentet, da spildte an baade avlet og vin for deris fødder, og naar nogen vilde herom paa- inde hannom eller lade sig bemerke at sligt var verd at klage over, da og han det til mistøkke og derfor skjeldede og bandede udi predikstolen, vor med han og forlengde den største part av hans prediken, med megen nden hans ulempe...Og derfor begerede at blive hr. Christen quit og be- omme en anden prest igen." Dei fekk sitt ynskje oppfylt.<sup>27)</sup>

Soknepresten i Karmsund hadde gong paa gong maatt gjeva streng for- likt um aa slutta med "bulder, hug og slagsmaal" og aa "beflitte sig paa druhed, fredelighed og it ustraffeligt levnet"; han var ein gong blitt vsett, men hadde faatt naade. I 1625 var han for kapitlet for fjorde ong, og biskop Scavenius forlangte aa faa han avsett, men han slapp like- el med pengebot og ny forplikt.<sup>28)</sup> - I 1610 dømte Oslo kapitel presten aa Skedsmo fraa sitt kall for embetsforsøming, og for "jevnlige drukken- kab, perlemente og slagsmaal" - ogsaa paa dei tider daa han skulde for- etta gudstenesta, - saavel som for aa ha tolt lauslivnad blandt teneste- olket sitt.<sup>29)</sup>

Dei dømme som her er nemnde, viser, at drukkenskap var ei hovudsynd landt prestane i daatidi. Men tolmodet hjaa den kyrkjelege øvrigheit var tort i desse fall. I 1624 stod ein kapellan i Stavanger for kapitlet og ar klaga for, at han viste seg "drukken ikke aleniste i forsamling, paa ader og stræder, men endogsaa i kirken paa prædikestolen". Han slapp av- etjing mot aa lova betring.<sup>30)</sup>

Fyrr det kom til rettssak for drukkenskap, prøvde biskopen gjerne ed aatvaring og formaning. Ved visitasen i Rollag 1621 vart presten paa- int av biskopen i nærver av tvo granneprestar, "at han sin førrige u- kikkelihood med drukkenskap, slagsmaal med bønderne og for megen gemen- kab med di samme skulde aldelis avskaffe og her efter leve christelig g gudfryktig som han for Gud og øvrigheid vilde forsvare, saa fremt han ikke tilbørlig animadversion (straff) vilde forvente."<sup>31)</sup> Ei liknande ormaning fekk presten i Seljord aaret etter,<sup>32)</sup> og sidan andre prestar aa Romerike og Austfold.<sup>33)</sup> Ein ung kapellan vart formana "at han skulde ntholde sig fraa drukkenskap og gemenskap med sognebønderne der og anden- teds som usømmeligt var, om han til noget vilde beførdres".<sup>34)</sup> Selskaps- iv var daa som sidan ein stor faare.

liv var daa som sidan ein stor faare.

Der var ofte saker um sedeløyse-synder blandt prestar. Øvrigheiti tok det ulikt, - gjerne mildare med dei unge og strengt med eldre. Ein kapellan i Stavanger, som hadde vore mykje saman med ei borgardotter um nætene, vart dømt til pengebot (1605).<sup>35)</sup> - Ein kapellan som hadde faatt tvo uekte born med ei kvinna, eit som student, det andre ved sin ordinasjon, vart 1615 dømt til aa yta noko pengehjelp eingong for alle til borni og mori, og slapp med det.<sup>36)</sup> - Kapellanen i Skjold, som hadde forført dotter til soknepresten, laut svi for det med ei pengebot (som soknepresten maatte leggja ut, daa kapellanen ingenting aatte), men han skulde ogso gifta seg med prestedotteri, baae vart tilplikta aa staa offentlig skrifte og absolverast av provsten i hovudkyrkja, og kapellanen maatte sjølv offentlig avbæda si synd fraa preikestolen i anneksi (1626).<sup>37)</sup> - I 1616 stod soknepresten i Asker fyre Oslo kapitel, tiltalt for jomfrukrenking og freistnad paa fosterfordriving. Han tok sjølv avskil, men fekk sidan søkja embete, vart rektor i Tønsberg og endte som sokneprest i Øyer i Gbrd.<sup>38)</sup>

Stundom var der ogso andre orsaker enn dei vanlege til avsetjing. I 1616 degraderte Oslo kapitel ein kapellan som hadde stole kyrkjesyv i Stange.<sup>39)</sup> Og Stavanger kapitel dømte i 1623 presten i Holt fraa sitt embete serleg fordi han ved avliving av misgjerningsmenn "haver gjort øddelen i sit embede bistand som hans medhjelpere", etter den tids tankegang ei uheiderleg gjerning, som var "det hellige predikeembede til alsomstørste spit og forakt saavel som og haanlig eftertale".<sup>40)</sup>

Kong Frederik II, som fyrst aalvorleg skreid inn mot ulivnaden i presteskapet, totte biskopane i Danmark var for tolsame og at dei "med lennem paa det beste overdrage". Kongen forlagte, at biskopane ikkje maatte sjaa gjenom fingrar med nokon for "vild, venskap eller fordel" skuld, men straks avsetja dei daarlege prestane og tilforordna andre gudtryktige og duglege personar i deira stad. Kongebrevet fraa 1593 til biskopane i Noreg sa det same. Og biskop Scavenius i Stavanger paaropa seg denne fyreskrift i den langvarige sak mot presten i Karmsund.<sup>41)</sup>

Forvitnelegt er det, at ikkje berre øvrigheiti greip inn, men ogso soknefolket ofte reiste seg mot umoralske og uduglege prestar. Eit ypparlegt døme er saki mot presten i Haaland (s. 7f.). Eit anna merkelegt tilfelle er striden mot hr. Henrik Albrectson Graff i Hafslo og sidan i Tølster, 1604 og 1609.<sup>42)</sup> I Hafslo fekk hr. Henrik fraa fyrste stund ein ødelsmann i bygdi imot seg, og bønderne tok etterhand parti mot presten. Paa eit vaarting avsette dei han fraa kallet, "av egen myndighed...uden nogen øvrigheds minde". Dei hadde ikkje noko aa klaga over hans lærdom eller kyrkjetenesta.

Uvenskapen millom prest og aalmuge galdt mest verkelege eller fyre-  
sjevne overgrep av presten ved inndriving av prestelege inntekter. Presten hadde med seg ein væpna tenar paa anneksreisor, og i gilde brukte han

skjellsord mot aalmugen i "uvit og ølsmaal". Alt mogeleg gale vart samla ihop imot honom, bøndene la fram tvo klageskrifter fyre kapitlet i Bergen, ei i 13, ei i 21 artiklar. Hr. Henrik vart avsett 1604, men fekk snart nytt kall, Jølster. Her kom han òg vonom fyrr i strid med bygdefolket ved si harde aatferd og fekk mange uvener. Ogso her var han paa sin maate noko for livleg av seg i selskapslivet. I eit gilde hadde presten "rykket og draget en fattig gammel og skrøbelig hus-kone paa gaarden for at faa hende i ovnen, med de ord at han vilde brände krud av hende". Dette var vel gjort til spetakkel. Men det harma bøndene, at presten vilde reformera gildeskikken og forbaud salmesang i gjestebod. Han hev vel havt ei god meining med det og tykt at gudsord og drukkenskap ikkje høvde ihop. Dei fekk det til at han vilde dei skulde syngja usømelege visor istadenfor salmar. Han tala um det eingong fraa preikestolen, og ðaa fall hans ord soleis um bøndene: "Naar de ere i Kirken, da staa de som stumme hunde, men naar de komme i ølstuen, da sjunger de i hverandres mund. Derfor forbyder jeg eder at sjunge salmer i samkvem, mens borge-stueviser og kjømpeviser, og hvad andet I kunde paafinde, maa I der bruge".<sup>43)</sup> - Ved lagtinget vart hr. Henrik dømt fraa si æra, og Bergens kapitel avsette han fraa prestekallet for andre gong. - Han var sidan ei kort tid sokneprest i Vikøy i Hardanger.

Det var rimelegt, at kyrkjestyret i Christian IV's reformperiode i 1620-30-aari hadde ope auga for dei moralske manglar hjaa prestestanden og søkte aa raada bot serleg paa drukkenskapen og aa vekkja andsværskjensla hos prestane som fyrebilæte.

Det fyrste steg i den leid var ei forordning av 1. mai 1618 som n.a. sette forbod mot nokoslags"maaltider eller lag" ved dei aarlege prestekalent eller prostiprestemøte, som vart haldne paa umgang og ðaa det gjerne var "gjestebud med fremmed drikk og anden bekostning". Kongen vilde, at prestane skulde smilast i ei kyrkja midt i prostiet "ædrueligen og udi Guds frykt".<sup>44)</sup> I den store reformforordning av 27. mars 1629 handla tredje kapitlet um "hvorledis drikken, forargelig omgengelse og klædedrakt hos geistligheden kan reguleris". Frederik II's mandat vart fornya, at "ingen geistlige mænd skulle herefter drikke sig drukken" under embetsfortaping etter tvo paaminningar. Ingen prest, som vert innboden til "ærligt vertskab", maa her lata seg freista til "drukkenskab, ei heller til nogen anden overflødighed, nattesæde og letfærdighed i snakk, dans eller noget saadant".<sup>45)</sup> I klædnad skal "nye noder" vera "en vederstyggelighed" for deim; dei skal bera tarvelege side klæder, samarier, kjorteler og andet saadant", halda hustru og barn ifraa "andres nye vis" og til "tarvelighed og skikkelighed i alle deris klæder og dragt". Likeins bør skule-embetsmenn, studentar og skuledisiplar klæda seg sameleg og enkelt.<sup>46)</sup> Personleg bør prestane vera fyrebilæte for andre "til all skikkelighed og retferdighed", taka vare paa si studering, og halda

uslyden til alt som er ærlegt, sømelegt og kristeligt.<sup>47)</sup>

Paa spursmaalet um lædebunaden vart det i det heile i daatidi lagt stor vekt, av religiøse grunnar, og kongen søkte aa hindra "hoffærdig-  
ed" og "ny noder" i alle stænder. Ein reform av presteskapet i dette  
stykke kunde ventast aa vera "andre til godt efterspeil". Kongen paala  
ifor i 1631 Sjællands biskop og universitetsteologane og hovpredikanten  
aa gjera ei byrjing med Sjælland og fyreskriva "en vis, skikkelig og  
ærvelig form og maade paa geistlighedens mænd - saavel som kvinde-klæde-  
ragt, saa og af kvad tøj, materie og værd saadan maa være gjort, saa  
tidt ske kan, hvilket uden geistlighedens egen begjæring og samtykke  
viden ikke maa forandres."<sup>48)</sup> - Tilsvarende paalegg vart samtidig gjeve  
delene, til aa byrja med i Jylland og Fyn.<sup>49)</sup>

Men livnaden aat prestar og andre geistlege var stadig ei kjelda  
til stor bekymring. I 1636 klagar kongen over, at der "tidt og ofte be-  
indis stor uskikkeligheit" blandt deim, og at ein del av biskopane dyl-  
slikt eller ikkje bryr seg um aa inkvirera eller paatala det, med mindre  
nokon reiser tiltale imot vedkomande. Difor minnte kongen biskopar og  
provstar aalvorleg um deira plikt, at dei ikkje maatte lata slikt gaa  
upaatalt eller ustraffa. Kongen bestemte, at bøter av geistlege skulde  
leggjast upp til ein kapital og rentorne av den koma fattige enkjør  
etter geistlege til gode.<sup>50)</sup>

Men det var ikkje nok aa inndriva bøter og fella avsetjingsdomar.  
Det som fyrst og fremst trengtest, var pastorale formaningar, - ei ny  
og aalvorleg aand i presteskapet. I eit sendebrev til biskopane 15. mai  
1638 klagar kongen bittert over, at dei som med si forbøn i Christo  
esu skulde freista aa møta og stilla Guds rettferdige vrede, brukar  
sitt embete "som en verdslig handel" og som eit levebrød. Dei burde  
"dag og nat sukke og søge efter at forfremme Guds ære, og med deres gude-  
lige eksempel, sagtmodige omgjængelse, besøgelse i husene, hellige levn-  
et og trøstefulde formaning deres tilhørere forbedre og drage ud af den-  
ne verdens sikkerhed og til sand omvendelse og aandens enighed i guds-  
frygt og en christelige kjerlighed". Men dei meiner, at naar dei held  
sine ordinære preikor i kyrkja og elles ikkje forser seg i noko som dei  
kann tiltalast for etter lovi, daa hev dei gjort sin skyldnad. Biskop-  
ane vart paanytt paalagt, flitug aa granska aatferdi aat prestane, og  
formana dei til aa fara lemfeldig med sine tilhøyrarar utan hat og "hast-  
modighed" og til aa "sky al overflødighed i deris brølluper, barseler  
og gjestebud, ei brende brendevin i deris hus, megit mindre andre det  
kjude og forebære, holde sig fra dansen med glas paa haanden og deslige  
verdslige usømmeligheder". Slikt skulde prestar "uden nogen gjennem-  
ingreseelse" staa til rette for.<sup>51)</sup>

Nokon ny praksis med aa uppseda presteskapet var det ikkje meiningi  
aa innføra med dette sendebrev. Trugsmaal um straff vart, naar alt kom

til alt, rekna for det mest verksame middel. Ei forordning av 9. sept. 1638, som søte aa retta paa "adskillge uordninger" i riki, skjærpte den gjeldande regel um embetsfortaping for drukkenskap, slik at naar ein prest "befindes saa beskjenket, at han ikke kunde gjøre sit embede uden forargelse", skulde han dømast fraa sitt kall utan vidare paaminn-  
ing,<sup>52)</sup> - etter forordningi av 1629 skulde han fyrst ha baade ei og tvo paaminningar.

Det viste seg enno, hundrad aar etter reformasjonen, turvande aa fornøya det gamle forbod, som var aktuelt nok dengong cølibatet vart oppheva, mot at ein prest gifta seg med ei kvinna som han sjølv eller andre hadde lege med.<sup>53)</sup> Biskop Jens Nilsson i Oslo-Hamar tok fleire gonger lovnad av presteemni, at dei ikkje skulde gaa i ekteskap med noko "beryktet fruentimmer".<sup>54)</sup> Ei kgl. forordning av 29. novbr. 1641 fyreskreiv, at um nokon prest akta sin person og stand so ringe, at han ekta ein kvinneperson "som av andre tilforn besovit befindis", skulde han etter lovleg rettargang missa kallet. Den same straff skulde ogso, etter recessen av 1643,<sup>55)</sup> raaka honom, um pretekona nedkom for tidlig med sitt fyrste barn.

Dei ymse disiplinære paabod um livnaden og embetsførsla aat prestane i si strengaste form vart samla i recessen 1643.

#### Noter til XII. 5. Prestegjærningi og livet aat prestane.

- 1) Art. XXX, cap. 1. sect. 2.
- 2) Jfr. Riertz 633.
- 3) Brochm. Syst. II, 417.
- 4) ib. 443.
- 5) D. Thrap, Bergenske Kirkeforhold i 17. Aarh., s. 54.
- 6) Thrap, s. 54-55.
- 7) DKL III, 260.
- 8) DKL II, 255f. III, 5f.
- 9) NR V, 125.392. VI, 64. VII, 250. VIII, 86.
- 10) DKL III, 260f.
- 11) Thrap s. 10. NR VIII, 86.
- 12) N.Khist.Saml. III, 718-9.
- 13) DKL II, 299-300.
- 14) NR III, 303.
- 15) Theol.T. Ny R. VII, 1880. Serprent 1879.
- 16) N.Theol.T. ny R. IV, 401-17. Ny Kh.Saml. III, 625.631-5. V, 84-88.92. Lampe II, 193.
- 17) Erichsen, Ny.K. 21.
- 18) L. Daae, Bygdesagn I<sup>2</sup>, 41.
- 19) s. 410.
- 20) NR V, 163.

- 1) s. 57.
- 2) s. 77.
- 3) s. 79.
- 4) Thrap 61.
- 5) SDP 120-9.
- 6) N G1 48.
- 7) SDP 105-108.
- 8) SDP 381-85.
- 9) OKP 85-89.
- 10) SDP 372f.
- 11) N G1 26.
- 12) N G1 41.
- 13) N G1 50.56.83.86.
- 14) s. 56.
- 15) SDP 149-51.
- 16) SDP 254-56.
- 17) SDP 393-4.
- 18) OKP 259-65.
- 19) OKP 282-86.288.
- 20) SDP 352-6.
- 21) SDP 382.
- 22) N.Theol.T. IV, 385-401.
- 23) s. 396.
- 24) DK1 III, s. 66.
- 25) III.1.
- 26) III.2.
- 27) III.3.
- 28) DK1 III nr. 171.
- 29) Erslev, Rigsr. o. stenderm. II, 276-7.
- 30) DK1 III, nr. 240, art. 3, 16/6 1637.
- 31) DK1 III nr. 245.
- 32) Secher IV nr. 631 § 1.
- 33) DK1 I, 397.
- 34) JNCXC.
- 35) I. 1.33. Secher V, 167.



Sidan dei kyrkjelege hovudloverne var utferda - den danske kyrkjeordinansen av 1537/39 med Ribeartiklane av 1542, og den norske Kyrkjeordinansen av 1607 - var det etterhand blitt publisert ei lang rekkja kyrkjelege lovfyresegner, av ymist innhald, mest i forordnings form, sume gjeldande for kvart rike, andre for baae.

Christian IV gjorde i 1631 tiltak til aa faa samla og kodifisert dette lovstoffet som var utgjeve etter 1542. Biskopane i baae rike fekk paalegg um aa senda inn avskrifter av hithøyrande dokument og aa gjeva "betenkende" um slikt som trengte "videre declaration" i ordinansen, serleg um naadeaaret.<sup>1)</sup> Sjøllands biskop og universitetsteologane fekk til oppgava aa jamføra den norske ordinansen med den danske og uppteikna det som var ulikt i dei og det som var serskilt for Noreg.<sup>2)</sup> Og saman med lufpredikanten skulde dei "sammenskrive" heile stoffet - det som kom inn fraa biskopane og det dei sjølv samla - i hovudpunkti, utan aa forandra mening eller ord, og so gjeva sitt "betenkende".<sup>3)</sup>

For oss hev det serleg interesse aa sjaa kva merknader og framlegg det kom fraa biskopane i Noreg.<sup>4)</sup> Dei var - likesom i 1604 - allesaman danskar, og ein kann ikkje venta noko synderleg norsk innslag i dette lovrevisjonsarbeid. Men der kom daa fram ymist som serleg galdt norske tilhøve og kravde at det vart teke omsyn til dei.

Dei viktigaste merknader vart gjort av Oslo-biskopen, M. Nils Simensson Glostrup, - dei understrekar dei kyrkjelege krav og interessor og den kyrkjelege mynja sterkare enn dei andre og munnar i regelen ut i gode positive framlegg. Stavanger-biskopen, M. Thomas Cortssøn Wegner hev og langt paa hjarta, men set det helst fram som spursmaal og ynskje. Ei rekkja merknader galdt kyrkjetenesta og dei kyrkjelege handlingar og ordningar: Oslobispen gjorde merksam paa, at i Noreg var den sokallte iterata consecratio ved altargang mykje vanleg - at presten vigde brød og vin tvo eller fleire gonger - enddaa slikt var forbode i ordinansen, og daa teologane var usamde um dette punkt, var ein uttrykkeleg regel ynskjeteg.<sup>5)</sup> Trondheimsbispen klaga over at eindel prestar for mykje ille med bøkene aat kyrkja, serleg biblane og ikkje skøyte um deira tilstand anten naar dei tok imot eller naar dei avleverte bøkene.<sup>6)</sup> Bergensbispen fann det turvande, at det - med samtykke av den verdslege øvrigheit - vart sunngjort fraa preikestolen ei paaminning for aa hindra "stor urigtighed i adskillig trafik og handel, samt skyld og gjeld inden- og udenlands",<sup>7)</sup> eit tidsbiløte fraa Noregs største kjøpstad.

Um daapen vart det forlangt at borni skulde døypast fyrste heilagdag etter dei var født.<sup>8)</sup> - Biskop og provst skulde ha tilsyn med at døypesfati vart haldne reine.<sup>9)</sup> - Sermonen ved daapen var sumestader for lang.<sup>10)</sup> - Den lovbodne skilnaden millom ekte og uekte born ved daapen framkallte spursmaal, um ikkje born som var fødde i ekteskap kort etter brudlaupet burde døypast etter preika som uekte. - Viktigt var eit framlegg fraa

Oslobispen um aa innføra daapsregister for aa kunna halda kontroll med ekte og uekte born: "Enhver Præst at have en rigtig Tegnebog som skal efterlades hans Efterkommere, hvorudi ægte eller uægte Børn kan tegnes, og deraf deres Ankomst forfares, saa og om Forældrene ærligen eller ikke ere sankede i Ægteskab."<sup>11)</sup> - Dette er ei byrjing til ministerialbokføring.<sup>12)</sup>

Vedrørende skriftemaalet gjorde Stavangerbispen merksam paa, at paa grunn av dei faarlege og lange vegar over fjell og elvar var det uraad aa krevja av alle at dei skulde koma til skriftemaal og avløyning um laurdagen, soleis ordinansen fyreskreiv. Anten laut folk fara i veg alt um fredagen, eller ta ut i all slags ver um laurdagen. For gamle og skrøpelege folk og havande kvinnor var det uraad aa koma til presten til skrifte og heimatt paa dagen; ikkje kunde dei liggja ute um natti, og sumestader var det berre 2-3 gardar etter kyrkjevegen, og der kunde det ikkje hysast so mange folk, iser i dyrtid. Difor burde slike menneskje, sovelsom langvegsfarande folk, faa drygja med skriftemaalet til sundag fyre messa.<sup>13)</sup>

I eit par stykke var det paa tale aa skjerpa kyrkjetukti. Den gamle regel, at ein for visse grove brot var nøydd til aa ha gjort upp med den verdslege øvrigheit fyrr ein vart stedd til kyrkjeleg absolusjon, galdt etter sumes meining no ogso "skjørlevnere" i det heile.<sup>14)</sup> - For aa koma drukken til kyrkja ved brudlaup og likferd fyreslo Oslo-bispen offentlegt skrifte og bøter til kongen.<sup>15)</sup>

Um ekteskap ynskte Oslo-bispen ogso strengare fyreskrifter: Naar det var lyst til ekteskap, burde det ikkje drygast med brudlaupet.<sup>16)</sup> - Trulova folk maatte ikkje bu saman fyrr deira ekteskap var fullendt i kyrkja.<sup>17)</sup> - Ektefolk som etter aatvaring ikkje vil leva saman, maatte "forjages af landet som andre forargelige membra."<sup>18)</sup> - Derimot fyreslo han mildare straff for ekteskap i forbodne led: nemleg for syskenborn landsforvisning istadenfor livsstraff, og for trimenningar bot til kongen "efter høieste formue".<sup>19)</sup>

Med tanke paa klokkinging ved jordeferd ynskte Bergensbispen at det maatte verta høve til aa skaffa smaa kyrkjeklokkor paa 3-4 vaager.<sup>20)</sup> - venteleg for at ein kunde gjera skilnad med større og mindre klokkor etter som det høvde.

Med omsyn paa prestekalling var det ymse ting som var ugreide. Tidsfristen for prestekall var i den norske ordinansen sett til 3 mndr., i ei forordning fraa 1620 til 6 vikor.<sup>21)</sup> - Det var forbode prestane aa skriva brev i verdslege saker, og sume meinte at daa burde ikkje prostane skriva kallsbrev. Men um skrivaren skulde gjera det, fekk ikkje bønderne alltid sitt frie kall, for stundom var det dei som vaaga aa forby skrivaren aa setja upp anna kallsbrev enn dei sjølv ynskte, anten bøndene var einige i det eller ei.<sup>22)</sup> Det kunde ogso dra ut i nokre aar fyrr ein prest kunde faa kollats av den verdslege øvrigheit, og naar lensherrane ikkje

ekk den dei vilde til prest, gav futane kollats i sin husbondes fraa-  
er.<sup>23)</sup> - Det var vidare naudsynlegt aa faa forklaaring, um ein prest  
unde taka sonen sin til kapellan - dette var forbode i den norske kyrkje-  
rdinansen, men tillatt ved forordningi av 1629 - , eller um han kunde  
alla sin tilkomande verson til kapellan, - eller um versonen til ein  
rest ikkje skulde kunna kallast til hans ettermann.<sup>24)</sup> -

Forflytjing av prestar var dentid uvanleg. Men Oslobispen tilraadde,  
t naar ein prest hadde tent nokre aar flitug paa faarleige stader og ut-  
taatt mange faarleige reisor, burde han faa høve til aa koma til eit anna  
all.<sup>25)</sup> Der vert nemnt eit par hindringar i prestenesta. Sume vilde  
ekna det for ei verdsleg sak, som skulde vera presten forbodi, aa skriva  
raasegn um folks liv og levnad til presten i ei onnor sokn.<sup>26)</sup> Det burde  
egjast uttrykkeleg i lovi, kven som skulde skriva slike attestar. - I  
oreg var bønderne motviljuge til aa skjussa presten i soknebod; det burde  
etjast straff for det.<sup>27)</sup> Med omsyn paa presteutdanningi som var sett paa  
y fot i 1629, fann Bergensbispen at ein dugande og velstudert høyrar ved  
atedralskulen maatte kunna ordinerast til prest utan teologisk attestats.<sup>28)</sup>

For tvo-tri av dei beste skuledisiplane, som var uttekne av rektor og  
iskopen, burde det vera høve til preikeøvingar i høs-pitalet.<sup>29)</sup>

Vedrørande skulane fyreslo Oslobispen, at biskopen, provsten eller  
astor loci burde raada for naar disiplane skulde dimitterat fraa skulen.<sup>30)</sup>

Forutan skulemeisteren burde det vera minst ein høyrar i skulen, og dei  
kulde hava si fastsette løn av kyrkjorne i lenet der skulen ligg.<sup>31)</sup> -

kjøpstaderne bør ungdomen overhøyrast i katekisma 1 gang um vika i skulen,  
nsdag eller laurdag kl. 2.<sup>32)</sup> Det vart klaga over at hjelpi til skule-  
isiplane var for snaud. I Trondheim var dei kongelege kostpengane av kongs-  
arden til 12 skuledisiplar ikkje lenger tilrekkelege. I Stavanger maatte  
kulen skkna kongetiender som fyrr var tillagt. I baae bispedøme var det  
anskelegt aa faa inn almisseskillingane,<sup>33)</sup> som bønderne skulde svara til  
kulen av gardane, men som "med en ond vilje udgives og av somme aldrig."<sup>34)</sup>  
restane burde faa strengt paabod um inndriving, og hjelp til det av lens-  
errane.

Ein stor del av merknadene fraa dei norske biskopane galdt økonomiske  
pursmaal, vedrørande inntekter og eigedom til prestar, kyrkjer og fatt-  
ge. Her galdt det aa ha heimelen i orden. I Trondheims stift fanst det  
ramleides ingi stiftsjordebok, og biskopen fyreslo at det vart utarbeidt  
i.<sup>35)</sup> I Stavanger var stiftsjordeboki ("Graagaas") ikkje tilstades, men  
skal være svigagtelligen kommen fra kapitlet", likesom og andre dokument  
ar "henrygt".<sup>36)</sup> - Oslobispen fyreslo, at gamle dokument vedrørande eige-  
om og rettigheiter til presteembeti skulde gøymast i ei kista med tvo laas,  
om lensherren og biskopen skulde ha kvar sin lykjel til (Stiftskista).<sup>37)</sup>  
I Stavanger stift var mykje kyrkjegods "henbyttet uden noget sønder-

igt vederlag", eller det skjede at det "med ganske underfundighed af adelsbonde...igjensnappes og tages". Difor burde bøndene under straff paa-eggjast aa syna brev paa sine gardar naar desse fyrr hadde tilhøyrte kyrkior.<sup>38)</sup>

Tiendespursmaalet, som hadde vekt so mykje strid i reformasjons-undradaaret, var enno ikkje kome heilt til ro. - Oslobispen søkte kongeleg ratifikasjon paa "kvægtienden<sup>39)</sup> og gammel prestelig rettighed", daa bønderne serleg i Viki var motviljuge og ofte hadde søkt kongen um aa sleppa.<sup>40)</sup> Stavangerbispen fann det ynskjelegt aa faa fastslaatt tiendeplikti for all slags fisk, anten han vart fanga med not, snøre, garn eller annan reidskap. - Og han vilde gjerne faa innført i Noreg paabodet i Ribeartiklane (§ 12) um tienderegister og straff for tiendenektarar, daa folk "er slemme med korntiende og all anden tiende."<sup>41)</sup>

Spursmaalet um deling av bygsla naar det var fleire parteigarar i en gard, vart teke upp av Bergens-bispen. Naar presten aatte like mykje i en gard som kyrkja eller kapitlet eller kongen eller ein adelsmann, burde daa ikkje presten ha sin lut av bygsla? likeins kapitlet, sjølv um let var medeigar for ein mindre part? og kven skulde taka imot bygsla, futen (som representerte kongen), presten (seg sjølv) eller stiftsskrivar- en (kyrkja)?<sup>42)</sup>

Det vanskelegaste økonomiske spursmaalet var aa fastsetja nærare reglar um naadeaaret. Etter ordinansen hadde presteenkjor i landskall rett til eit aars inntekt av embetet etter sin husbondes død (ex gratia), men dessutan ogso til dei inntekter som presten hadde upptent men ikkje enndaa uppebore (pro merito). Einndel av dei sistnemnde inntektene - sovel kornsød paa prestegarden som landskyld av prestebordsgodset og tiende og offer reknast presten aa rett til, sjølv um innkoma vart hausta eller svara etter han var død. Naadeaaret til enkja kom difor i praksis ikkje til aa reknast fraa dødsdagen aat presten, men fraa ein seinare dag, og denne kom til aa maatte setjast ulikt alt ettersom det var tale um vaarsød eller vintersød, byggsød eller rugsød, og ettersom det galdt landskyld i smør, korn, huder og skinn, eller fisk, daa desse fire species pla falla ved ulike tider, respektive Olsok, Mortensmessa, jol, og fylgjande vaar. Det spela ogso inn, kva tid paa aaret den avlidne presten hadde tiltraadt embetet og teke til aa uppebera inntektene, og kor lenge fyre dei ymse inntekts-terminane han var død. Det kunde daa ofte dra langt ut paa andre aaret fyrr ettermannen fekk njota noko av embetsinntektene. Aa fastsetja rettferdige og praktiske reglar for terminus a quo og ad quem var difor turvande, - og difor bad kongen uttrykkeleg um serlege fraasegner fraa biskopane vedrørande dette emne.<sup>43)</sup> Svare viser kor innvikla saki var, og kor vanskelegt det var aa finna ei god løysing. - Med naadeaar for presteenkjor i kjøpstadene var saki greid, - forutan det upp-

ente løn burde tilfalla deim halvparten av eit aars fulle embetsinnkoma<sup>^</sup> ex gratia. - For kanikar og kapitels-prebendatar var praksis ulik; i Stavanger var naadeaar bruklegt, i Trondheim ikkje. - Andre spursmaal av interesse for presteenkjor var plikt for ettermannen til aa løysa inn av arvinge-  
ne hus som presten hadde bygt paa prestegarden paa eigen kostnad; og ser-  
leg ynskjelegt var det aa skaffa presteenkjor bustad, - paa landet burde  
lei faa enkesæte paa ein gard av prestebordsgodset fritt eller for ring-  
ste landskyld, - i byane onnor hjelp av borgarmeister og raad. "Thi ellers  
er ingen elendigere enke end de, idet de maa tit udskydes med deres fatt-  
ige Børn, og saa geraade i stør Fattigdom, ja en Part, som unge ere, kom-  
ne hen i anden Vildfarelse."

Lovfreskriftene um bustader og innkomor for deknane var enno  
ikkje paa langt nær gjennomført i Noreg. Oslobispen opplyste, at det mange  
stader enno ikkje var utlagt deknegardar, ei heller gjort avtale millom  
soknefolket og deknen um "nødtørfdig underholdning". Dekneløni skulde  
vera, - i korn eit kvarter av ein fullgard, 2 setting av ein halvgard og  
1 setting av ein øydegard, - i pengar 1 skilling ved barnedaap og 2 skil-  
ling ved brudvigsla, "samt om julen at hjelpes med noget til victualia."  
Ian fyreslo at dette skulde gjennomførast ved paalegg fraa kongen.<sup>44)</sup> -  
Um deknebol fyreskreiv ordinansen (f. 44<sup>r</sup>) at naar der ikkje var ut-  
lagt deknegard av kyrkjegods, skulde deknen ha ein gard av krongods i  
feste; Oslobispen fyreslo i siste fall aa setja bygsel og landskyld til  
det halve, for aa skaffa "skikkelige og dygtige personer" til dekn-  
embeti.<sup>45)</sup> -

Nordanfjells var det stor mangel paa deknebol; der var det gaatt  
slik, at deknane ofte festa burt dekneboli til andre, og ved dekn-  
skifte vilde festebonden ikkje flytja, so den nye deknen paa den maaten  
ikkje fekk nokon deknegard.<sup>46)</sup> Vedrørande hospitali heldt Trondheims-  
bispen fram at revisjonen av rekneskapane maatte skje til viss tid og  
ikkje dra ut i 3-4 aar, for dermed kom dei i stør gjeld.<sup>47)</sup> - Stavanger  
hospital hadde for liti fast innkoma, og hadde det smaatt naar almisser  
av godtfolk i byen slo feil i daarlege tider; difor ynskte biskopen  
kongetiende lagt til hospitalet.<sup>48)</sup>

Um den kyrkjelege jurisdiksjon gjorde biskopane i Noreg fleire  
viktige merknader. - Ogso i den evangeliske kyrkja var det spursmaal  
um grensa millom kyrkjelegt og verdslegt rettsumraade, sjølv um det ikkje  
som i katolsk tid, var av prinsipiell natur. Grensa for kyrkjelege saker  
vilde Bergensbispen draga rett trong. Til slikt som burde vera undan-  
gjort av den verdslege øvrigheit fyre saki kom for konsistoriet, rekna  
han: vitnemaal i ekteskapssaker; gjeldssaker; uproveleg arekrenking  
mot geistlege; jordtrættor.<sup>49)</sup> Studentar meinte han stod under verds-  
leg øvrigheit, ikkje under kyrkjeleg.<sup>50)</sup> - Paa den andre sida hevda  
Oslobispen, at kongelege futar ikkje hadde med prestar aa gjera i geist-

lege saker, fyrr saki var meldt til provst og biskop og stemming var utgaatt fraa stiftslensmann og biskop.<sup>51)</sup> Med omsyn paa rettargangen i geistlege saker mot prestane var det bruklegt i Noreg, at i dei len der biskopen ikkje residerte, vart det halde forhøyr av prosten i nærvar av vedkomande kongelege lensmann, og um det ikkje var høve til aa fullenda^ saki der paa staden ved bispevisitas, vart ho innstemnd for kapitlet og fyrehavd der. Denne praksis ynskte Oslobispen legalisert i lovi.<sup>52)</sup> - Trondheimsbispen heldt fram, at naar lensherren sat med i kyrkjeleg rett, burde han ogso medinnsegla domen.

Av nye straffebod vart fyreslaatt, at der i lovi skulde spesifiserast bøter og straff for aa "overfalde" geistlege baade i deira hus og andre stader;<sup>53)</sup> at prestar som gifta seg igjen innan aaret, burde mista sitt kall.<sup>54)</sup>

Trondheimsbispen klaga over ein stor uskikk med kapellanar og klokkarar, som set seg upp imot presten, er forsømelege i sitt kall, innlæt seg i drykk med soknefolket. Naar ein slik merker, at dei kann venta tiltale for dette av øvrigheiti, "da søger han strax den alume, med hvilken han tilforn sig saaledes har indlagt, og tager deres øl- og bænkebreve, ja drager om og laaner deres signeter og siden digter sig brevet, som han det have vil, til sit uskikkelige levnets benægtelse." For aa kunna faa slike attestar, er dei milde imot soknefolket, "gjør aldrig deres kald saa trolig med straf og paamindelse som det sig bør," og slepper bondeborni fram til altargang og held deim ikkje tilbake til dei hev lært sin barnelærdom.<sup>55)</sup>

Biskopane i Danmark og paa Island leverte likeins talrike merknader ved ordinansen, men me gaar framum dei her.

Det tiltaket kongen hadde gjort for aa supplera dei kyrkjelege hovudlovene med ei samling av dei seinare lovfyreskrifter, førte likevel ikkje til noko. Av ukjent grunn vart det innsamla materialet burtlagt. - Daa der fleire aar seinare var utarbeidd eit supplement til kyrkjelovene, skjede det etær ein annan plan, og her vart dei mange gode merknader og framlegg fraa biskopane 1631 vedrørande einskilte punkt i kyrkjeordinansane ikkje nytta.

Uppgaava aa føra kyrkjelovgjevingi å jour vart løyst i 1643 ved eit større aalment lovverk, av baade kyrkjelegt og verdslegt innhald, og gjeldande i baae rike: Christian IV's store Recess.

Fyrebuingane til dette lovarbeid gjeng tilbake til 1632, og byrja med ein prosessreform for Danmark, - men arbeidet paa den førte ikkje til noko resultat daa, og ikkje betre gjekk det med ein freistnad paa aa faa istand ein ny aalmenn dansk stadsrett 1637. Men tanken um prosessreformen framkallte ein større plan um kodifikasjon av heile den danske lovgjeving, ikkje berre dei nyare forordningane, men ogso provinslovbøkene. Utkast til ei slik lovbok vart utarbeidd av den kgl. kanslaren

Christian Friis og etter hans død i 1639 gjennomset av tri danske landsdommarar. Men den store planen vart oppgjeven og i 1641 avgrensa til kodifikasjon av nyare forordningar, kyrkjelege og verdslege. Utkast tål eit slikt lovverk vart utarbeidd av den kgl. kanslaren Christian Thomesen Sehested. Hans utkast vart igjen sterkt utvida med viktig stoff, dels aalment kyrkjelegt, dels serlegt norsk stoff baade kyrkjelegt og verdslegt. Kven som hev æra for denne utviding, er ukjent.<sup>56)</sup>

Recessen utkom 27. februar 1643. Av dei tri bøkene, som han er inn-delt i, handlar 1ste bok "om geistligeden og hvis der til hører", og 3dje bok "om hvis Norge serdelis vedkommer". I 1ste bok er kodifisert all den nyare kyrkjelege lovgjeving fraa og med Christian IV's "lille recess" av 1615, soleis ogso reformlovene fraa 1620-30-talet, deriblandt heile den store forordning av 27. mars 1629, som i hovudsak motsvarer kap. 2.

Recessen er ikkje berre ein kodifikasjon av eldre lovbod. Han inneheld ogso mange nye. Ein del av desse er disiplinære fyresegner som utfyller og skjerper reformlovgjevingi fraa 1620-30-talet:

Dei som ikkje møter fram ved visitas av biskop eller provst, skal skrivast upp og straffast for heilagbrot (I. 1.31.8.). - Øvrigheiti skal tilhalda undersaattane, og husbøndene sine tenarar, aa gaa i kyrkja paa dei ordinære maanadsbededagane og ikkje hindra dei (I. 1.33.2.). - Der skal vera straff ikkje berre for aa koma drukken til altars, men ogso for "større forseelse eller anden forargelse" ved altargang (I. 1.33.4.). - Øvrigheiti skal ha skarp og flitug tilsyn med slike som held seg fraa nattverdsakramentet og kyrkjedisiplinen, og paaminnast av prestane um denne tilsynsplikt (I. 1.33.5.). - Naar presten er so "beskjenkt" at han ikkje kann gjera sitt embete "uden forargelse", skal han straks utan vidare paaminning dømast fraa sitt kall (I. 1.22). Og um prestekona føder sitt fyrste barn for tidleg, skal presten missa kallet (I. 1.32).

For visse synder som forordningi av 1629 søkte aa raada bot paa med aatvaring eller simpelt forbod, vart det no sett straff av øvrigheiti: for usemja millom ektefolk, foreldre og born, grannar; for lettferdig eller skammeleg samlivnad utanfor eller utan ekteskap; for "forargelig legen og fastelavnsløben". (I. 2.23,25,26).<sup>^</sup>

Dei fleste og viktigaste nye kyrkjelege lovfyresegner i Recessen finst i 4de kapitlet, "om kirkernes forsvarer og deris tilsjun". Kapitlet er ei fullstendig lov um forvaltning av kyrkjerne og deira gods og bygning, - den fyrste etter reformasjonen. Størsteparten av innhaldet er nytt, berre umlag ein tiandepart gaar tilbake til eldre kjeldor, deriblandt nokre norske. Her vert det fastslaatt, at alle kyrkjer hev sitt overordna "forsvar", som hev til oppgaava

- 1) aa ha tilsyn med at kyrkjerne vert haldne "ved hevd og bygning" og at deira inntekter vert forvalta sparsamt og rett,
- 2) aa handheva og svara for eigedomar og innkoma aat kyrkjerne. Kyrkje-

Forsvaret er forskjelligt for dei forskjellige kyrkjer, dels kongens lensmann, dels andre som hev kallsrett: adel, universitet, kapitel, sovelsom provstar eller rekneskapsprovstar, kloster, og andre geistlege (1) - Domkyrkjer og andre kapitelskyrkjer skal staa paa same fot som andre kyrkjer med umsyn paa si innkoma og administrasjonen av den, og capitulares skal vera forsvar (3). - For kjøpstadkyrkjer er borgarmeister og raad forsvar, under overtilsyn av lensherrane (4).

Kyrkjeforsvaret er forplikta til aa søkja fraakome kyrkjegods tilpake med dom, revidera kyrkjerekneskapane og vitja kyrkjerne (5). - Alle egl. lensmenn skal aarleg senda inn til Rentekammeret oppgaaavor over pengebeholdningane aat kyrkjerne og kven pengane staa hos; liknande oppgaaavor skal kapitli, rekneskapsprostane og andre geistlege senda til stifts lensmennene (6). I Noreg skal stiftslensmennene paa sine reisor forfara um tilstandet aat kyrkjerne (27). - Det same gjer biskopane paa visitas og melder manglar skriftleg til kyrkjeforsvaret (7). - Provstane skal ved sin visitas granska sovel inntektene aat kyrkjerne som manglar paa ornament og bygning, halda "syn" over dette med 4 vederheftige soknemenn og senda det skriftleg til kyrkjeforsvaret, og likeins gjeva melding um fraakome gods (8). - Provsten og stiftsskrivaren (sjaa nedan) saman skal vitja i det minste kvar kyrkja som treng bygning (22). Naar større byggearbeid er turvande ved ei kyrkja, skal lensherren, um han er forhindra, senda stiftsskrivaren for aa sjaa paa kva som trengst (24). -

Det nærmaste uppsyn med kyrkjerne, deira bygning, gods og inntekter, hev kyrkjeverjerne, som i Noreg vert tilskikka av provst, prest og stiftsskrivar, etter gamall skikk paa 3 aar (= eit aaremaal) og gjer rekneskap kvart 3dje aar (i Danmark kvart aar) (14). - Presten skal raadføra kyrkjeverjerne, forfatta kyrkjerekneskapane, og vera tilstades ved revisjonen for aa gjeva nærare opplysningar (9).

I Recessen 1643 er det tale um stiftsskrivarar. Dei hadde tilsyni med kyrkjebygningen og godset aat kyrkjerne paa den verdslege øvrigheits vegner. Stiftsskrivarembeti var innført i Noreg 1574 og skulde vera 3 i heile landet. Men dei vart avskaffa igjen 1578 og provstane var sidan lenge aaleine um aa høyra kyrkjerekneskapane. Paa 1600talet kom stiftsskrivarembeti uppatt - i Oslo-Hamar stift finn me stiftsskrivarar sidan 1607.<sup>57)</sup> Sidan var det stiftsskrivarar over heile landet til langt ut paa 1700talet.

Feilen hadde fyrr vore den, at stiftsskrivarane hadde for store distrikt. Christian IV var merksam paa, at korkje kyrkjorne eller undersaattane hadde fyremun av, at stiftsskrivarane hadde for mykje aa fyrestaa, og han sytte difor i 1633<sup>58)</sup> for at dei fekk maateleg store omraade aa styra, - det vart fleire i same len, ingen hadde fleire len.<sup>59)</sup>

I kvart stift skal der, som fyreskrive i ordinansane, vera ei "stifts-



bok", og det i 2 eksemplarer, ei i stiftskista og ei i kapitlet, med oppgaava over all eigedom og inntekt til kyrkjerne, - og finst det ingi, skal ho utarbeidast (18). - Ved kvar kyrkja skal det, som den norske kyrkjeordinansen fyreskræv, vera ein "kirkestol", d.e. ei bok med oppgaava over 1) eigedom og inntekt til kyrkja: "gaarde, jorder, enge, skove, huse, samt deres gaaende landgilde eller afgift, dernæst korntiende, kvegtiende, ^ midsommerstiende, hovedstol (= kapital) og rente", og fæ og andet. 2) "inventarium, ornamenta, kalk, disk, klæder, bøger" o. dil., og desse listor kaldast å jour (19). Dinæst skal det ved kvar kyrkja vera ei autorisert rekneskapsbok, som skal innehalda gjenpart av kyrkjestolen, forandringar i inventariet, alle rekneskapspostar, oppgaavor um beholdning og rente (28). Fallskrivne rekneskapsbøker skal gøymast i stiftskista (29).

For revisjon av kyrkjerekneskapane vert gjeve nøgne fyreskrifter. Dei skal fyrst reviderast av provst, prest og stiftsskrivar i nærver av kyrkjevevorne (20), deretter innsendast prostivis til stiftslensmannen (25), so reviderast paany av vedkomande lensmann og stiftsskrivaren og underskrivast av deim, endeleg "forklares" (d.e. desiderast) av stiftslensmannen og sendast tilbake til prosten i godkjent stand og av honom skrivast inn i kyrkjestolen i nærver av prest og kyrkjevevør. Det godkjente eksemplaret av rekneskapen skal leggjast i kista aat kyrkja, og gjenpart forvarast i stiftskista (26).

Um forvaltningi av inntektene aat kyrkjerne inneheld recessen ei lang rekkja fyreskrifter. Natural-inntektene aat kyrkja skal aarleg verdsetjast i pengar "efter godt ydeferdigt korns og smørs landkjøb". Sovori verdsetjing var fyreskrive for Danmark 1621, for Noreg 1632, - i Noreg skulde det gjerast av dei fire stiftsbefalingsmenn paa Akershus, i Stavanger, paa Bergenhus og i Trondheim, saman med biskopen og kapitlet. Dei prisar som vart sett, kallast "kapiteliskjøb", seinare kapitelstakst (11). Varorne skulde ikkje setjast so dyre, at dei vart liggjande uselt hos kyrkjevevorne (12). Landskyldkornet aat kyrkjerne skulde seljast etter kapiteliskjøp (33). Tiendekornet skal burtfestast for ein viss sum (33, 48), i Noreg til vederheftige soknemenn for kapiteliskjøp (49). -

Kyrkjejord, som er gjevi fraa bondegardar, hev gardbonden fyrste rett til aa festa; dinæst hev prestar og deknar som hev for lite jord, fyrerett framfor andre til aa festa kyrkjejord (34, 35). - Tiende skal svarast kyrkjerne av all kornesød, i Stavanger stift ogso av laksefiske^ og anna fiske (45). Tiendeplikti gjeld ogso for øydejord, baade til kyrkja og prest (51). For urettferdig tiendeyting skal den skuldige mista garden sin (46). Kyrkjetienden skal førast til rekneskap etter kapiteliskjøp, og presten halda register paa kvegtienden (36). Av tiende maa det ikkje gjevast laan (50). - Alle uvisse inntekter skal førast til rekneskap: avkastning av kyrkjeskog (44); nygsel og tredjeaarstake (38-40), m.m. rekneskapsprovstane hev ikkje rett til aa uppebera noko for seg

personleg (39). -

Vidare vert det gjeve fyreskrifter um avgifter og andre vilkaar for gravstader under golvet i kyrkior i byane og godviljug avgift for gravstad paa kyrkjegard paa landet (41), um avgift for stolestader i byane (42) og um betaling for klokkeringing ved gravferd i byane (43).

Det vert gjeve lov til at ei kyrkja kann laana pengar av andre kyrkior (69) mot renta (85). Pengar tilhøyrande kyrkjorne skal provstane setja ut paa renta, og fleire prosti kann slaa seg saman um dette (83). Det vert òg gjeve fleire andre reglar um pengeforvaltingi (81,82,84,86).

Vidare inneheld recessen fyreskrifter um kva utgifter der skal utreidast av kyrkjorne: Dei paalagte skattar: studiiskatt, cathedraticum, kyrkje-skatt, skuleskatt, - til universitetet, biskopen, kyrkior, skular (54). Godtgjerslor til dei forskjellige embetsmenn og umbodsmenn som ghev med kyrkjorne aa gjera: til rekneskapsprovstane provstepengar, kosthald og skrivarpengar (55); til provstane for visitas og for rekneskap (56); til presten for aa skriva rekneskapen (57); til kyrkjevevorne (58); til stiftsskrivaren (59, jfr. 26). - Vidare utgifter til vin og brød (60), til kyrkjeljos (2 um aaret) (61), til mai i kyrkja (62), til reisepegar aat den som vert kalla til prest (63). - Derimot skal kyrkja ikkje ha plikt til aa halda gravstader vedlike utanfor kyrkjebyggnaden (77).<sup>~</sup>

Plikti til aa halda kyrkjebyggnaden ved like paa sin kostnad kviler paa den som hev (eller er forlent med) kallsretten og som brukar og uppeber kyrkjeinntektene (2); dette gjeld ogsò den som hev rett til kyrkje-tienden ved fundats eller stifting (70; jfr. III 12<sup>60</sup>). Kjøpstaderne skal sjølv halda sine kyrkior vedlike og ikkje vera til byrde for andre kyrkior (52). Tek kyrkja skade ved at vedlikehaldet vert forsømt, er dei som hev tilsyni og dei som forsømer, andsvarlege (67). Større bygnadsarbeid paa kyrkior skal paa fyrehand takserast av kyrkjeforsvaret (provst og stiftsskrivar) i nærvær av prest og nokre soknemenn (64, jfr. 8,22,24). Flikkeri skal innførast i kyrkjerekneskapsboki og sidan godkjennast (65). For arbeidet vert det gjeve ymse nærmare teglar: Der maa ikkje gjerast nokon serleg pakkostnad paa kyrkja, fyrr tak, kvelv, vegger, vindaugo, loft og dører er istand (66). Skal kyrkja ha torn, kvelv, ekstraordinære klokkor o.l., kann soknefolket "efter deris egen andagt det lade forfatte" (68). Større arbeid skal burttingast i nærvær av provst, prest og dei beste soknemenn. Flikkeri skal presten setja burt, men mot viss betaling, ikkje for drikkepegar, øl og anna (72). I Noreg pla bønderne sjølv gjera arbeidet med kyrkjebygning; dei skaffar sjølv bjelkar, sperrar, spaan, - kyrkjorne kostar berre bord. Til tekkjing skal ein nytta spaan eller bord, ved sjøen tegl (73). - Andre fyresegner gjeld materialer, reisor for kyrkja, leverandørar o.a. (71,74,75,76).

Det var framleides turvande aa forbjoda aa nytta kyrkior til pakkhus for kongelege inntekter; pøsten maa - heiter det - ha plass til aa

orretta sitt embete og soknefolket rom til aa høyra preika og Guds ord (78). - I "kirkeladen" maa der ikkje haldast kro (80), - ei fyresegn som el helst galdt Danmark. - Eit fattighus i kvar sokn skal byggjast av yrkjevevorne med hjelp av soknefolket (79).

I andre bolken i Recessen vart m.a. uppteke Christian IV's forordningar mot luksus; under titelen "Om brylluper, barseler, begravelser og anden unøttig bekostning" (II. 8). Der vart ogso forordningi av 1617 m trollfolk fornya (II. 28).

I den kyrkjelege inndeling skjede det etter reformasjonen etterhand store og inngripande forandringar.

I. Talet paa bispestolar vart redusert: Hamar bispestol vart nedlagt og Hamar stift sambunde med Oslo stift under biskopen i Oslo, 1541. Det var vidare planen aat reformasjonskongen, 1557, aa leggja ned Stavanger bispestol og dela Stavanger stift millom Bergens stift og Oslo-Hamar stift. Som vel var, vart ikkje denne planen gjennomført.

II. Millom bispedømi innbyrdes skjede det fylgjande grenseforandringar:

1. Dei øvste bygdene i Øyterdalen hørde i millomalderen til Nidaros bispedøme: Tynset (m. Alvdal og Foldal) med Vingjela (no Tolga, m. Os) og Kvikkvæne (m. Inset) var anneks til Uppdal. I 1580 visiterte Oslo-Hamar-bispen M. Jens Nilsson paa Tynset - det var daa hundrad aar sidan siste visitas, i erkebiskop Gautes tid. Og i 1585 søkte M. Jens kongen um at desse gjeld runde verta tillagt Akershus (Oslo-Hamar) stift. Det skjede ogso - men avisst naar. Paa denne tid var dei nemnde bygdene anneks til Tyldal; sidan vart Tynset hovudsokni.<sup>61)</sup>

2. Til Stavanger bispedøme hørde Agder, Rogaland, Valdres og Hallingdal - som i millomalderen. Bispedømet var ihopsett av tvo luter, som geografisk ikkje hekk saman. For at Stavanger-bispen skulde kunna koma til Hallingdal og Valdres utan aa fara gjennom Bjørgvin bispedøme, hadde dei tvo biskopane eingong i tidi (11-1200-talet) gjort eit byte, soleis at Stavanger-bispen fekk Eidfjord sokn i Hardanger, og Bjørgvin-bispen Sveio sokn i Sunnhordland i vederlag.

I 1608 overførte lensherren paa Bergenhus og superintendenten i Bergen Eidfjord fraa Hallingdal til Hardanger provsti. Biskop Scavenius i Stavanger fann seg i dette. Men hans ettermann biskop Wegner var ikkje nøgd med aa missa Eidfjord utan vederlag, og avtalte med biskop Paasche, at Sveio skulde koma tilbake til Stavanger. Ein kommisjon av 5 høge civile embetsmenn, som skulde uttala seg um bytet, raadde kongen til aa stadfesta det, 1636. Men nokor stadfesting vart ikkje gjevi, og baade Eidfjord og Sveio hav sidan høyrte til Bergens stift.

3. I dei same aari dryfte dei ogso spursmaalet um ei grenseregulering millom Stavanger og Oslo-Hamar stift. I 1627 skal Hallingdal (provsti? d.e. H. og Valdres) vera lagt til Oslo, mogeleg etter avtale millom biskopane.

ungen fyrela spursmaalet for stadhaldaren og rikskanslaren til fraasegn. Etter deira tilraading avgjorde kongen i 1631 saki soleis, at Valdres og Hallingdal vart tillagt Oslo (og Hamar) stift, og Øvre Telemark, eller Sattlandet, som i millomalderen høyrde til Hamar stift, vart overført til Stavanger stift. Prestane i Øvre Telemark var lite nøgde med bytet, men det vart ikkje teke omsyn til dei. Solenge Stavanger bispedøme hadde sine gamle grensor, laag stiftsstaden Stavanger so lagleg midtveges millom yttergrenserne av bispedømet. Dette vart annarleides etter umreguleringi i 1531. Og daa Noregs verdslege inndeling vart umskipa 1671, var det fyretnaden at Christian IV's nye by Christianssand, grunnlagt i 1643, skulde vera sæte for overøvrigheti i det nye verdslege Christianssands Stift eller Hovedamt. Christian V flutte difor i 1682 bispestolen fraa Stavanger til Christianssand.

Sunnmøre, som i verdsleg omsyn høyrde til Gulatingslag i millomalderen, hev sannsynlegvis ogso opphavleg lege under biskopen over Vestlandet, som den eldste tid (offisielt til 1170) hadde sitt sæte paa Selja.<sup>62)</sup> Men Sunnmøre er nok tidleg blitt lagt til Nidaros bispedøme og utgjorde ein del av det i mange hundrad aar.

Men serleg etter at Jamtland var lagt under Trondheimsbispen i 1570, var Trondheims stift uforholdsmessig stort. I 1622 vart Sunnmøre overført til Bergens stift. Korleis det gjekk til, er ikkje nærmare kjent - biskop Redal paastod (1658), at det skjede "formedelst privat handel".<sup>63)</sup> Visst er det, at saki vart avgjort av kongen, daa han var ved herredagen i Bergen 1622.<sup>64)</sup>

III. Krigane med Sverige medførte fyrst utviding, sidan tap av landmraade for den norske kyrkja.

Jamtland høyrde til Noreg politisk, men kyrkjeleg laag det under erkebiskopen i Uppsala. Ved freden i Stettin 1570 vart den kyrkjelege jurisdiksjon over Jamtland overført til biskopen i Trondheim. Men det lange kyrkjelege sambandet med Sverige gjorde det turvande for kongen åa fyrekriva i 1585, at til prest i Jamtland maatte takast berre kongens eigne innfødde undersaattar, - m.a.o. ingen svensk (eller jamtlending?).<sup>65)</sup>

Under Kalmarkrigen 1611-13 la svenskane Jamtland og Herjedalen under seg, og Gustav II Adolf innsette fleire nye prestar, og ein eigen superintendent i Oviken. Ved freden i Knærød fekk Noreg desse landslutene tilbake, og den svenske superintendenten laut vika. Jamtlandske prestar, som hadde vist truskap under krigen og søkt inn til Noreg, fekk kall andre stader i Trondheims stift.<sup>66)</sup>

Jamtlands provsti umfata Jamtland med 10 prestegjeld og Herjedalen med 2, tilsaman 12 prestegjeld.<sup>67)</sup> Under krigen 1643-45 la svenskane atter landet under seg, 1644; dei fleste av prestane drog til Noreg, og svenske prestar vart innsett. Nordmennene tok att landet, 1644. Men ved freden i Brömsebro 1645 vart Jamtland og Herjedalen avstaatt til Sverige for åa

berga danske provinsar for Danmark. Prestane i Jamtland var misnøgde med freden, vendte seg til biskop Bredal i Trondheim og bad om raad, "om de skulle blive hos sine menigheder, om det tilstedes, eller fly til sin<sup>68)</sup> rette og kjære øvrighed." Biskopen svara, at det klokaste dei kunde gjera, var aa bli i embeti og beda dronning Kristina um samtykke til det. So skjede.

Men Jamtland og Herjedalen var tapt for Noreg for alle tider. Under denne krigen gjekk ogso tvo annekssokner til Elverum, Idre og Serna, over til Sverige, utan formell avstaaing.

2. Ved freden i Roskilde 1658 avstod Frederik III heile Trondheims len til Sverige. Biskop Bredal, som ikkje vilde tena svenskekongen, vart etter søknad utnemnd til biskop over leivningane av sitt stift, Nordland og Finnmark, og flutte sin bispestol til Trondenes (som var kannikegjeld til dekanatet), 1658. Carl X Gustav innsette ein svensk superintendent, M. Henning Schytte, i Trondheim.

Bredal bad kongen um at Sunnmøre skulde verta lagt til Nordlands stift, og ynskte aa faa sin embetsbustad paa Sunnmøre, fordi det laag halvveges millom Christiania og Nordland. Men daa krigen braut ut att same aaret, tok nordmennene Trondheim og Trondheims len tilbake, desember 1659; aaret etter kom Bredal att til sin stiftsstad, og ved freden i Roskilde 1660 var Trondheims len atter norsk.

3. Baahuslen eller Viken, som politisk hadde høyrte til Noreg sidan dei eldste tider, og kyrkjeleg alltid utgjorde ein del av Oslo bispedøme, gjekk tapt til Sverige ved freden i Roskilde 1658. - Denne viktige og verdfulle landsluten utgjorde 2 provsti med respektive 9 og 12 prestegjeld. - Ved grenseuppgangen i 1661 lukkast det aa faa Enningdal anneks til Naverstad prestegjeld i Viken lagt til Noreg, daa det i verdsleg umsyn høyrde til Jel og Marker len.

#### Noter til XII. 6. Lover og skipnader.

- 1) DkI III nr. 167. NR VI, 291.
- 2) KhS 3 II, 95.
- 3) DkI III nr. 170.
- 4) KS 3 II,
- 5) s. 99.
- 6) s. 155.
- 7) s. 101.
- 8) s. 102. Forordning av 23/5 1646 forbaud aa utsetja daapen over 8 dagar etter fødsel. DkI III nr. 312.
- 9) s. 102.
- 10) s. 103.
- 11) s. 102.
- 12) Kyrkjebøker vart paabodne av kongen 17/5 1646. DkI III nr. 311.
- 13) s. 104-5.
- 14) s. 105-6.

- 15) s. 110.
- 16) s. 108.
- 17) s. 108.
- 18) s. 108.
- 19) s. 109. Istf. landsforvisning? Jfr. s. 109-10.
- 20) s. 115.
- 21) s. 109-10.
- 22) s. 111.
- 23) s. 113.
- 24) s. 127.
- 25) s. 126.
- 26) s. 111.
- 27) s. 114; jfr. NR V, 463.
- 28) s. 111.
- 29) s. 111.
- 30) s. 117.
- 31) s. 117.
- 32) s. 117.
- 33) Deknetollen, innført 1623 i Thm. (L. Daae, Th.St.g.Hist., 60).
- 34) s. 118.119.
- 35) s. 128f.
- 36) s. 126.
- 37) s. 125.
- 38) s. 125f.
- 39) d.e. den millomalderlege hovudtiende?
- 40) s. 123.
- 41) s. 123.
- 42) Um skatteplikt av prebendor, s. 120f. Um plikt for residerande kanik til aa halda koral, s. 142.
- 43) s. 130f. 132f. 133f. 138f. 139f.
- 44) s. 157.
- 45) s. 157.
- 46) s. 128f.
- 47) s. 147.
- 48) s. 147.
- 49) s. 152.
- 50) s. 152.
- 51) s. 153.
- 52) s. 153.
- 53) s. 153.
- 54) s. 147.
- 55) s. 154.
- 56) Secher V, 134f.

- 7) N.Kyrkl.jordebøker I, <sup>x</sup>10.
- 8) NR VI, 462f.
- 9) Jfr. NR VII, 338f. 450. 502. 690f.
- 0) Norsk forordning 1632.
- 1) F. 620.
- 2) NB. biskop av Borgund? paa Eysteins /Eiriks tid ?
- 3) Daae, Thj., 85.109.
- 4) NR V, 253.
- 5) Daae 47.
- 6) Daae 69.
- 7) Daae 93.
- 8) Daae 100ff.
- 9) JNV 11-12.

I motsetnad til den offentlege kyrkja med sine faste ytre ordningar, sitt embetsverk, sine ritual, si reine læra, - stod det alt sidan reformasjonstidi retningar som sette vesenet aat religionen i den indre foreining med Gud, og gjorde religionen meir til ei sak for kjensla enn for forstanden.

Menn som Caspar Schwenckfeld (d. 1561), Sebastian Franck (d. 1542/3) Valentin Weigel (d. 1588), Jakob Böhme (d. 1624), Christian Hoburg (1607-1675) utvikla ei mystisk-spiritualistisk oppfatning av religionen - ei læra um "det indre ord" i motsetnad til skriftordet og kyrkjeordet. Desse seinare mystikarane vilde ikkje sjølv bryta med den lutherske kyrkja, men dei var i røyndi ukyrkjelege. Dei representerar ein organisasjonslaus spiritualisme. -

Danzig og Hamburg vart særleg arnestaden for Böhmes tankar. I reformerte krinsar fann spiritualistane lettare tilhald enn i lutherdomen, òkkje minst i Nederland. ^

Men ogso innanfyre den lutherske kyrkja sjølv møter me menn av ein annan retning enn den normale ortodokse: menn som la hovudvekti paa religiøs innerlegdom og paa praktisk kristendom - "den sanne kristendom", som viste seg i hjartans forandring og i eit fromt, gudlegt liv. Dei gav den subjektive og personlege sida av kristendomen rom, kjensla fekk meir plass ved sida av forstandslivet.

Til dei høyrer i Tyskland Johann Arnd, d. 1621, som samansmelta den millomalderlege mystiken med lutherdomen. I Danmark riksraaden Holger Rosenkrantz (d. 1642) med sitt einfaldige bibelstandpunkt, som kravde personleg tru som fyresetnad for bibelstudium, - med si innerlege pakts-teologi, med si subjektive frelselæra, som gjorde honom mistenkt i Tyskland for aa vera Weigelianar; den teologiske professor Caspar Bartholin (d. 1629), ein antiskolastisk og asketisk personlegdom; biskopen i Ribe Jens Dinesen Jersin (d. 1634), paaverka av Johann Arnd og i nær aandeleg slekt med Rosenkrantz og Bartholin, ein mann som kravde inntrengjande ei levande tru, som maa forandra heile menneskjenaturi, ei tru som skapar nytt liv. Til denne krinsen høyrde ogso ei tid, i 1620-aari, daaverande professor i teologi Jesper Brochmand (d. 1652), som dengong var paaverka av Rosenkrantz. Den kyrkjelege reformrørsla i 1620-30-aari var utslag av ei botsstemning som me finn fyrst og fremst hos desse menn. - Men stundom vart kravet um inderleggjering av kristendomen understreka so sterkt hos reformvenene, at det kom til aa te seg ein viss motsetnad til kyrkjekristendomen. Det var ikkje fritt for at Rosenkrantz vart rekna for aa ha-la vel mykje til subjektivisme og svermeri. Og hos Jersins verson Nils Svendssøn Chronich ytra den subjektive retning seg som open kritikk av kyrkjekristendomen; til den kom han snart i opposisjon, og etterhand utvikla han seg meir og meir i svermerisk og subjektivistisk



leid, so han tilslutt vart sett heilt utanfor kyrkja.

Den som Chronich var sterkast paaverka av, torde vera hans samtidige Christian Hoburg,<sup>1)</sup> som i sine skrifter la hardt ut imot den raadande kjotelege tryggleik og tillit til det ytre kyrkjevesen. Han vilde faa folk til aa venda auga innetter og formana til meir levande og verksam kristendom. Hoburg, som førte eit umskiftelegt liv, mest i ymse predikantembete i Nordvesttyskland, hadde faatt sin avgjerande aandelege paaverknad fraa studiet av Johann Arnds og Caspar Schwenckfelds skrifter. Hans hovudtanke var, at det ytre kyrkjelege livet dugde ikkje noko, men at Guds ande umiddelbart maatte vekkja eit heilt nytt liv i dei ein-skilde kyrkjemedlemer, hvis den forderva kyrkja skulde hjelpast. Han var mystisk teolog, men utan serkarakter, var stadig i gjering, vart sjølv aldri klaar. Han er kalla ein universal-synkretist, som gjorde trunnadsbroderskap med alle kristne utan aa spyrja etter konfesjon.<sup>2)</sup> Han vart rekna for atterdøypar, entusiast og weigelianar og vart tillagt mange kjetterier: um Guds ord og den indre openberring, um rettferdiggjeringi og atterfødingi, um verknaden av sakramenti, um preikeembetet, um den pastorale syndstilgjeving i skriftemaalet, um tusundaørsriket. Han gjekk laus paa filosofien og den lærde teologien i tidi og var ein motstandar av det akademiske promosjonsvesen.

Han gav ut fleire merkelge skrifter. Blandt dei fyrste var "Spiegel der Missbräuche der Geistlichkeit" under namnet Elias Prætorius, og "Ärgerliches Christentum", under namnet Bernhard Baumann. Seinare kom Theologia mystica, og Postilla mystica (Amst. 1665). Skriftene hans vart forbodne i fleire lutherske land, soleis i Sachsen og Sverige. I Christiania var hans "Spiegel der Missbräuche" mykje lesi - og den som mest utbreidde boki her var Nils Svendssøn Chronich.

M. Nils Svendssøn Chronich (eller Chronius, som han skreiv seg paa latin) var ein dansk mann, fraa Kolding. Han hadde studert i Kjøbenhavn, vart innskriven der i 1628 og var vel ein av dei fyrste som tok den nye teologiske embetseksamen; han er visstnok ogso blitt prestvigd.<sup>3)</sup> Sidan hev han vore utanlands - i 1635 var han i Groningen i Nederland og deltok i ein akademisk disputas um orientalske maal.<sup>4)</sup> Universitetet i Groningen var under Franciscus Gomarus blitt eit hovudsæte for den reformerte ortodoksi,<sup>5)</sup> - men me veit ikkje noko um korleis opphaldet her hev verka paa Chronich. Han tok den filosofiske magistergraden i Kjøbenhavn (1637), og etter aa ha tent som rektor i sin fødeby Kolding nokre aar,<sup>6)</sup> vart han utan sitt vitande og utan søknad i 1639 kalla til lektor i teologi ved gymnasiet i Christiania, og byrja si gjerning her aaret etter.

I dei 12 aar M. Nils Svendssøn Chronich verka i Christiania var han leidar av ei spiritualistisk og separatistisk rørsle, som synest aa gripe rett sterkt ikring seg i hovudstaden. Han var ikkje opphavs-

mann til rørsla. I dei aar M. Kjeld Stub var sokneprest i Christiania (1635-41), hadde han, "uden tvivl efter øvrighedens vilje og raad, ved flittig inkvisition i menigheden hos nogle fundet fordøgtige og sektiske bøger, som han og haver skilt dem ved".<sup>7)</sup>

Um M. Nils's personlege utvikling fyre 1640 veit me lite. Men det er verdt aa merka, at han i 1639 vart gift med Maren dotter til Ribebispen Jens Dinesen Jersin. Det gode forhold som alltid var millom M. Nils og hans hustru, vitnar um at dei var i aandeleg slektskap<sup>8)</sup> - og eit vitnemaal um det same er, at fraa hennar hand hev me ei umsetjing til dansk fraa nederlandsk av ei liti spansk oppbyggingsbok, "Sjælens skat" (1653; 1638?).<sup>9)</sup>

I Christiania vara det ikkje lenge, innan M. Nils tok til aa halda religiøse forsamlingar i sitt hus. Desse konventiklane var i full gang aaret etter han var komen til byen. Blandt deltakarane vert nemnt folk av borgarstandet som Lorentz Evertsen Stenhugger, Nils Pedersen Flensburg, Jon Børgersen Kræmer eller Skolemester, seinare ogso ein raadmann, Hans Madsen Fagerholdt, og ein høyrar ved katedralskulen, Jens Hansen, ein dansk mann.<sup>10)</sup> M. Nils umtalar dei som "uberygtede christne", - men av andre vart dei haldne for "fordøgtige personer".

Biskopen i Christiania M. Oluf Boesen, M. Nils's formann som lektor i teologi, forbaud honom aa halda konventiklar, 23. februar 1642. Men M. Nils nekta aa lyda, sjølv um det var kongen som forbaud.

Saki kom fyre kapitlet, og han vart her paa nytt paaminnt um aa gjeva upp konventiklane. Og etter ordre av stadhaldaren Christoffer Urne paala biskopen soknepresten i Christiania aa aatvara mot entusiastar og atterdøyparar i sine preikor.

Der var ogso anna konfliktstoff. M. Nils paatalte forargeleg livnad hjaa ein av prestane i byen, som han hadde set drukken ved ei gudstenesta (27/11 1641). Sannsynlegvis hev han ogso alt no lagt for dagen avvikande meiningar um læra; han fekk paalegg av biskopen um aa halda disputas i gymnasiet um Pauli læra um rettferdiggjeringi - men gjorde det ikkje. - Ved ein offentleg disputas 31. august 1642 drog M. Nils det korte straa, - han kallar disputasen "en overhørelses- og forsøgesels-tale", der han "sandferdige og skrevne lærdom" vart motsagt av "en aabenbar fantast og grov og bespottelig gjæk" paa ein maate som vekte "manges latter og forhaanelse".<sup>11)</sup>

Som lektor i teologi hadde M. Nils ikkje berre aa halda offentlege forelesningar, men ogso aa preika i domkyrkja. I Christiania pla lektoren tala ved tolvpreika paa storhelgene og elles. I sine preikor vendte M. Nils seg ikkje berre imot dei gjengse laster i kyrkjelyden, - som lyst til rikdom, vellivnad, sedløysa, ovmod, - men han tok ogso til aa tala imot den daude kristendomen. Seræg gjorde han det i ei jole-

preika 1642. "Naar du lever hen i dine synder og berømmer dig at være en christen, saa er din døde tro og dit ubodfærdige levnet aarsag til din fordømmelse". "Det hjælper intet at gaa i de herligste kirker, uden at hjertet er et aandeligt Bethlehem". Menneskehjarta er det sannaste og ypparste Bethlehem, der Jesus bur aandeleg, og eit slikt aandelegt Bethlehem er hjarta, naar "Christi ord i aand og sandhed ædes og vederkvæger til et aandeligt liv". Naar andre kyrkjor og temple, akademi og skular, vert lagt øyde, likesom Salomos tempel, saa "skal dog det hjerte og den sjæl, hvori Jesus bor, være hans aandelige Bethlehem i Ewigheid". - Chronich kjenner seg driven og opplyst av Guds heilage Aand til aa tala sanningi um "mange Menneskers falske og hykkelske christendom". Og "som en retsindig Guds ord tjener", som dette gaar til hjarta, maa han aatvara dei som er komme paa vrangvegar, "dennem...til en salig paamindelse, eftertanke og omvendelse", sjølv um folk skal "fortørnes over denne sandheds tale".

Det var just dette som skjede. Nyaarsdag 1643 etter høgnessa i koret forbaud biskopen M. Nils preikestolen "formedelst hans skælderier paa juledag saavel som ofte tilforn". M. Nils svara, at "hvad han prædikede, det prædikede han som Aanden gav ham ind, og ikke agtede hvad mennesker sagde, om nogen hannem saadant vilde forbyde". Imot M. Nils stod ikkje berre biskopen, men òg "nogle ex capitularibus", serleg soknepresten i Christiania M. Trugels Nilsson, som hadde etterfylgt M. Kjeld Stub 1641. Striden kom til aa gjelda baade kyrkjetenesta og teologiske spursmaal, serleg M. Nils's læra "angaaende gode gjerningers fuldkommenhed og vores saligheds forarbeidelse".<sup>12)</sup>

Det vart halde forhøyr um striden i nærvær av stadhaldaren Hannibal Sehested og rikskanslaren Jens Bjelke, 20. mars 1643. Ved det forlik, som desse menn fekk istand paa Akershus slott, 24. mars 1643, tok biskopen tilbake preikestolsforbodet; M. Trugels og M. Nils lova, i sine preikor aa akta seg for alt som kunde vekkja ny mistyding, og heller dryfta dei teologiske spursmaal i lærde disputasar enn fyre meigmann, eller heimstella saki til Universitetet, og ikkje gjeva ut preikor i prenten; vart dei usamde um andre ting som ikkje vedrørte religionen, skulde dei fyreleggja det for øvrigheiti paa staden; M. Nils skulde ikkje berre faa preika, men han fekk òg i sitt hus fritt tala med sine kristne vener um gudelege spursmaal, men "ingen privat conventiculer eller exercitia at holde paa kammerne".

Det var stadhaldaren Hannibal Sehested som fekk istand forliket, - han hev forfatta det. M. Nils rekna det som ein siger for seg, og naar biskopen og kapitlet gjekk med paa det, var det saktens fordi den mektige stadhaldaren stod paa M. Nils's sida. Det gjev òg forklaaringi til, at M. Nils vaaga aa gjeva ut si umstridde jolepreika i prenten, med

dedikasjon til Hannibal Sehested, dagsett 27. april 1643 i ein maanads tid etter forliket. Boki kom ut i 1644, og var ei av dei fyrste bøker som er prenta i Christiania.

I fleire aar fekk no M. Nils verka i fred. Stemningi i den kriasen han samla ikring seg, før ein eit levande inntrykk av gjenom tvo aandelege songar fraa hans hand, ein fraa 1646, ein fraa 1647. Han og hans vener kjente seg som ein utvald flokk, som "Christi medelskere og standhaftige bekjendere"; dei hev Christus og hans Aand i hjarta, dei er greiner paa vinstokken og kjenner livsens krefter i seg, dei strider "troens strid", den tru som ved Hans aand viser seg i "kjærligheds og sandheds frugt". Og dei veit seg i motsetnad til "verden", "Babel", "den ertz-hore", dei er "Guds folk", "Zion", "Messias's brud", som vert forfylgd av Satan, dei ventar paa Jesu "herlige tilkommelse", ventar paa "den store dag", som snart skal gjera skil millom "gode og onde christne" og millom "de retsindige" og "de hykkelske og skinhellige" og gjeva kvar hans løn, til undergang for Babel, til gleda og æra for "Jesu Christi elskende, sukkende og forventende brud". - Denne apokalyptiske brudemystikk er typisk for spiritualismen.

Ut anum lækfolket fann M. Nils faa eller ingen meiningsfrendar. Den einaste i Christiania var høyraren ved katedralskulen Jens Hansen, som fyrr er nemnt (d. 1650).<sup>13)</sup> Einsam som M. Nils kjente seg, vart han derfor gledenleg overraska ved aa finna ein aandfelage i soknepresten i Rakkestad M. Erik Matzøn, som han kom i brevsifte med i 1648 og som viste seg aa vera paaverka av Elias Prætorius's bok um presteskapet. M. Nils's brev til M. Erik (4. juni 1648)<sup>14)</sup> gjev uttrykk for, at M. Nils og hans vener hadde teke til seg Jesu <sup>a</sup>sligprisning um dei som vert forfylgde for Hans skuld, - motstandarane er "aandeleg blinde".

Sjølv um der var utvertes fred i kyrkja, ulma elden under oska. Og M. Nils var sjølv orsak til, at striden braut ut paa nytt. I sine preikor heldt han fram med aatak paa presteskapet - "den Hellig Aands straffeprediken" som han sjølv kalla det. - Visstnok hadde M. Nils framleides ei høg stjerna hos den verdslege øvrigheit, og fekk til og med den æra aa preika for kong Frederik III ved hyllingi i Christiania 1648. Men uviljen mot honom var stor, ikkje berre hjaa presteskapet, men ogso blandt folket. "Menigheden" i Christiania kom til den danske slottspresten paa Akershus hr. Michel Pederссøn Eseholt, som ogso var sokneprest i Aker, "foregivendes bedre at søge Aggers end Christianiæ kirke, efterdi ikke andet høres udi Christianiæ kirke end scandal og affecterne". Presteskapet i Christiania og Aker, som heller ikkje i lengdi vilde finna seg i, soleis "at udraabes" av M. Nils, klaga til biskopen over hans "invectiver mod ministerium" og bad um forsvar (25. mai 1648).

Den stridaste av M. Nils's motstandarar var framleides M. Trugels.

I ei preika helgetrikongedagen 1649, som vekte stor uppsikt, sa han, at det i hans kyrkjelyd fanst slike "som vilde have skoler opbrændt, kirker og kirketjeneste afskaffet, høie øvrigheds autoritet og myndighed dæmpet og nedlagt",<sup>15)</sup> og M. Trugels vilde "tilrettesætte" disse folk med øvrigheiti si hjelp. Utan tvil hev han mistydt M. Nils's ord (citert ~~kix~~ s. 4). - Straks etter kom det ut i prenten ei anonym umsetjing til dansk av ei tysk bok um atterdøyparane paa reformasjonstidi - "de vederstyggelige og bespottelige entusiastar og kjættare Knipperdolling og Jan van Leyden og deres anhangere", og her vart det slege paa at det òg fanst slike i Christiania kyrkjelyd, og det vart aatvara imot deim. Utgjevaren var M. Trugels sjølv.<sup>16)</sup>

Det vart halde forhøyr paa kapitlet vaaren 1649. Ein av M. Nils's verste motstandarar, portrettmaalaren Søren Gundersen Kjerulf, ein dansk mann, som forresten synest ha vore ein rett tvetydig person, hadde innlevert til M. Trugels ei skrift um dei "kjættare, entusiastar og huspredikanter, som nu desværre i denne menighed grasserer". Kjerulf hadde høyrte ein av M. Nils's tilhengjarar segja, "at man skulde leve udvortes hellig og ustraffelig og formedelst gode gjerninger erlange saligheden",<sup>17)</sup> - at "en præst som ikke lever skikkelig, kan ej være dygtig til at forlade andres synder",<sup>18)</sup> og at prestane i Christiania var "ugudelige Baals præster og fordømmelsens børn",<sup>19)</sup> og at Luther "var en kjødelig philosophus og havde mangesteds fejlet".<sup>20)</sup> Den mann som vart tilagt desse meiningar, var høyraren Jens Hansen, M. Nils's "besynderlig gode ven"; han vart straks avsett av bispen.<sup>21)</sup> - Det vart vidare fortalt, at det vart halde "et mistænkt kollegium" i raadmann Hans Madsens hus, med "læsen og forklaring", og i M. Nils's hus "natteforsamling" med "lystighed og besynderlige spiritualistisk drik".

Daa M. Nils hevda, at desse vitnemaal var upaalitlege, utverka han eit paalegg fraa stadhaldaren um, at hans motstandarar skulde koma fram med det dei hadde aa klaga over honom. Prestane kom daa med si klaga, 25. juli 1649, som M. Nils svara paa. Dei tok til seg personleg M. Nils's invektiv, at han umtalte prestane Satans apostlar, Baals-tenarar, stridslystne og hyklende tenarar, "sladrende papegøjer, og hunde som lade sig munden stoppe med et stykke kjød". M. Nils svara, at det høyrde til hans embete aa gjera klaar skilnad millom det sanne og det falske ministerium, og han hadde aldri tala imot nokon som retteleg tente i præsteembetet. Den rette *δικαιοσύνη* tilhøyrde fleire enn dei som var ordinert til presteembete med kyrkjeceremoniar, - det var ovmod aa fyreskriva Guds Heilage Ande i eit menneske som vart driven av Anden, korleis han skulde læra og preika; det var daarskap aa vilja tvinga og binda "den Hellig Aands lærdom, formaning, skjælden, truen og straffen" til visse ytre vilkaar. Det var Satan, som paa denne maate vilde "dæmpe den Hellig Aands sande Mini-

sterium og alle retsindige sande Herrens Ministræs og Sandheds Tjenere". M. Nils vilde ikkje namngjeva einiskilde personar som han sikta til i sine preikor. Han straffa feil, men ikkje personar, og refsa heilt aalrennt. Nokon dom fall heller ikkje no, - sannsynlegvis fordi stadhaldaren framleides gjorde sin innverknad gjeldande til fyremun for M. Nils. Og hans skjelling mot prestane fraa preikestolen vedvara.

M. Trugels tok daa til orde paa ein ny maate i ei preika paa 25. sundag etter Trieining 1649, og aatvara mot "fanatiske" skrifter av Jakob Böhme "og andre deslige" - han tenkte paa mystiske og spiritualistiske forfattarar som Elias Prætorius (alias Christian Hoburg), Justus Kläger (alias Johan Jakob Fabricius)<sup>22)</sup> og Amadeus von Friedleben (alias Abraham von Franckenberg).<sup>23)</sup> M. Trugels formana folk til aa halda seg til Guds eige ord i den Heilage Skrift og aa sky og fly alle falske profetar og lærarar som gift.

Ved sida av Böhme og Hoburg møter me her tvo namn til som representantar for den retning M. Nils Svendssøn Chronich tilhøyrdde.

Den schlesiske adelsmannen Abraham von Franckenberg (1593-1652),<sup>24)</sup> ein av dei edlaste blandt mystikarane, hadde kjent seg utilfreds med den teologiske bokstavlærdomen, og søkte ikkje dogmer, men Kristus i Skrifti, for kristendomen var for honom ei hjärte-sak. Hans gjenombrot til mystikken, som skjede i 1617, kom gjenom studiet av Tauler, Thomas a Kempis, Schwenckfeld, Weigel, og serleg Jakob Böhme (Aurora 1612). Han skreiv sidan ein biografi av Böhme. Ein av hans nære vener var salmediktaren Johann Scheffler (Angelus Silesius),<sup>25)</sup> som sidan hev fenge rom i vaare kyrkjesalmebøker.<sup>26)</sup> Blandt hans skrifter, som tildels er utgjevne under psevdonymet Amadeus von Friedleben, vart "Geheimniss der Bosheit und Greuel der Verwüssung" utbreidd i Christiania.

Johann Jakob Fabricius (1620-73),<sup>27)</sup> som var luthersk prest i Schwelm i sidan i Zwolle i Nederland og i Sulzbach i Bayern, var under sitt teologiske studium i Rostock paaverka av den djupt innerlege predikanten prof.philos. Joachim Lüthemann, - den same som ogso hev vekt dei namngjetne oppbyggingsforfattarane Christian Sriver og Heinrich Müller.<sup>28)</sup> For Fabricius, som tvo gonger vart fordriven fraa predikantembetet, var kristendomen ikkje retttrunad, men sjølvfornekting og etterlikning av Kristi liv og lidning, - berre derved kann den kristne naa til sann fullkomnad. Millom hans skrifter, som tildels kom under psevdonymet Justus Kläger, var "Das vielgeplagte und doch verstockte Ägypten"; i denne bok, som vart lesi i Christiania, fann det teologiske fakultet i Marburg weigelske villfaringar.

Sitt aatak paa dei falske lærarane utførte M. Trugels med tilvisning til Skrifti: 2. Tim. 3 og Joh. Openb. 2 og Matth. 24. Men han nøgde seg ikkje med aa tala imot dei "fanatiske" skriftene, han vendte seg ogso

imot deim som utbreidde liknande læra i kyrkjelyden: "Enthusiaster, husprofeter, vinkelprædikere, som holde deres egne utilbørlige og forargelige konventer og forsamlinger. Skinhellige, som have en særdeles, falsk religion og gudstjeneste, og som ikke ville fordrage øvrigheden eller udvortes kirker og kirketjenester, som lære og gjerne foredrage nye kjætterske bøger, som forlade sandheden og det aabenbarede Guds ord, den Hellige bibelske Skrift og forlade sig paa falske aabenbaringer, syner og drømmer" o.s.v.<sup>29</sup>

M. Nils kjente seg raaka og bad M. Trugels namngjeva dei falske lærarar han sikta til. Han fekk honom ikkje til det, og det kom til munnhoggeri millom deim i sjølve kyrkja, 3. desbr. 1649. M. Nils kalla M. Trugels "tyv og morder", og M. Trugels svara: "Vig bag mig, Satan!" Dei kom i ordskifte um Jakob Böhme, som M. Nils paastod at M. Trugels ikkje hadde forstaatt. Og tilslutt truga M. Nils med at han vilde "offentlig beskjemme" M. Trugels for kyrkjelyden. - Dette upptrin vekte stor forarging og stadthaldaren paala biskopen aa faa ende paa saki. Biskop var no M. Henning Stockfleth, tidlegare rektor ved katedralskulen, slottsprest paa Akershus og sokneprest i Aker. Han la vinn paa aa taka saki upartisk, og stemnde baee partar for konsistoriet der dei møtte 16. februar 1650 og fleire gonger sidan.

I sin apologi (19. februar 1650) forklaara M. Nils, at naar han paaminnte M. Trugels, so var han leida berre av kjærleik, og det var hans rett og skyldnad etter Matth. 18, 15-17.

Daa M. Trugels ikkje fann M. Nils's forsvar tilfredstillande, vart M. Nils aaleine stemnd av stadthaldaren og biskopen fyre konsistoriet, 23. februar 1650<sup>30</sup>. M. Trugels, som hadde skaffa seg godt vitnemaal fraa bymennene um si embetsferd, hevda at ingen hadde innsett M. Nils til paaminnar og reformator, men forlangte dom og straff over M. Nils fordi han med tilteken mynja hadde forbrote seg mot Skrifti, Kyrkjeordinansen, Norske Lov og Christian IV's Recess. - I sin utførlige apologi (19. mars 1650) paa 84 folio-sidor gav M. Nils ikkje etter i noko, - tvertimot, han kjende seg forfylgd for sanningi skuld:

"Saa optændes nu Sandhedes hellige Aand udi mig, sit ringe redskab, og baade taler, skriver og trodser mod alle sine og mine efterstræbelser (?: efterstræbere?) og modstandere". M. Trugels hev gjort imot Christi ordinans, fyrst fordi han ikkje sjølv hev fylgt han, og dinest fordi han krev straff over M. Nils for at han hev halde seg etter Christi ord imot M. Trugels. "Derfor forkynder jeg, alleruværdigste og allerringeste Christi tjener,

herhos ved Guds Hellig Aands og Ords tilskyndelse, at denne Christi ordinanses almindelige foragtelse og overtrædelse er en af de besynderligste aarsager til denne almindelige landenes straf og fordærvelse, som nu finder sted og fremdeles vil komme"<sup>31</sup>. - Aandelige ting kann ikkje dømast etter menneskelege lover, men berre etter den Heilage Skrift, og ingen kann døma etter den Heilage Skrifts læra utan dei som hev den Heilage Skrifts aand og er aandelege og læt seg opplysa og drivna av Christi aand til aa leva etter Aandi som aandelege Christi lemer. "Guds Aand giver min aand vidnesbyrd, og jeg har min egen samvittigheds gode og faste ... vidnesbyrd, at jeg ikke af uchristeligt had, men efter Guds navns inderlige paa-kaldelse og efter Guds Aands heftige tilskyndelse og efter Jesu Christi uovervindelige aabenbarede ord, ordinans og befaling, at et christeligt hjerte har talt og skrevet... og jeg gjentager, ved Guds naade og efter mit læreembedes pligt, min formaning; thi Guds Aand i mit hjerte har beseglet det."

Det uttrykk M. Trugels paaklaga, "tyve og mordere", forklaara M. Nils som "aandelige tyve og mordere", "sjelemordere". - Um det verkeleg i M. Trugels's kyrkjelyd fanst villfarande entusiastar, daa hadde det vore hans skyldnad som sjælesyrgjar aa formana deim for deira villfareing, fyrst i einrom, so i overver av vitne, og so fyre kyrkjelyden - istadenfor aa skjella paa deim fra preike-stolen. Men M. Nils hadde handla etter Christi bod. Skulde han vera ein stum hund, skulde han ikkje hjelpa sin neste mot sjælemordarar, skulde han ikkje refsa sin medbroder og visa honom at han i sin blindheit er ein (aandeleg) tjuv og mordar? Skulde han ikkje bruka harde ord, naar Christus sjølv gjorde det? Skulde han ikkje kunna koma med refsing i kyrkja naar Christus sjølv straffa øversteprestane fordi dei gjorde templet til ei røvarkula? Dei falske profetane løyner seg bak det kristelege læreembetes autoritet og folks rosande vitnemaal, - slikt vitnemaal burde visst ogso Annas og Kaifas kunna faa<sup>32</sup>. "Men Guds og hans Aands skudsmaal er dog større end alle menneskers ... Herren hjælper og trøster sine"<sup>33</sup>

M. Nils talar som han hev fenge eit profetisk kall og er fyllt med Guds Aand. Han er ein fullblods entusiast og spiritualist. Saki kom enndaa ikkje upp til doms. M. Trugels's motstandarar var fyrst innkalla til forhøyr paa Raadstova i Christiania i april 1650, i nærvær av "en temmelig stor forsamling af adskillige slags folk". Resultatet av forhøyret var, at raadmann Hans Madsen inntil vidare vart avsett fraa sitt embete.

Daa M. Nils's sak deretter kom fyre kapitlet, forsvaraa M.



M. Trugels seg med, at han ikkje hadde talt imot entusiastar i Christiania, men berre aatvara imot lesnad av framande kjætterske bøker - det var forbode av kongen i forordningar av 15. mai 1576<sup>34</sup> og 23. januar 1617. Han hevda, at det kyrkjelege tilsyn tilkom superintendenten, og at ein lesemeister ikkje hadde noko straff-embete, korkje etter Skrifti eller etter ordinansen. Og naar M. Nils ikkje vilde rekna ordningane i kyrkja for anna enn menneskelege ordningar, daa oversaag han at Kyrkjeordinansen sjølv gjorde skilnad millom det guddomelege og det menneskelege i kyrkjeskippnaden - Jesu Christi ordinans og den kongelege ordinans. Og M. Trugels klaga over, at M. Nils ikkje berre hadde blanda seg i framandt embete, men at han ogso gong paa gong hadde vore motviljug og sett seg upp imot paalegg fraa øvrigheiti.

Det vart avsagt dom paa Christiania Kapitel 30. april 1650. Kapitlet fann det ikkje prova at M. Nils hadde nokon rett til aa refsa M. Trugels som "aandelig tyv og morder", og M. Trugels vart kjent fri for M. Nils's skuldningar. Kapitlet skaut til verdsleg rett aa idøma M. Nils den straff som honom tilkom for aa ha tillagt ein annan uærleg sak utan prov.<sup>35</sup>

Dér er ikkje teikn til, at M. Trugels forfylgde sigeren ved verdsleg rett. For honom kunde det vera nok, at M. Nils skuldningar var mortifisert.

Men for det aandelege liv i Christiania hadde utfallet av striden den uheldige verknad, at dei oppvekke, som hadde "lyst til at tale om Gud og hans ord og sjunge og læse og bede", kom paa det det svarte brett i folks umdøme og miste modet, medan deira motstandarar hadde presten til ven og kunde kjenna seg trygge.

Under striden arbeidde M. Nils paa ein skrift, som han kalla "Troens Erindring og Prøvelse". Ho er forfatta i 1649 og kom ut i prenten i Christiania 1651 (568 sidor 8vo). Det er ei strids-skrift imot dei stolte og oppblesne skriftlærde. Han kallar boki "Herrens eget verk og arbeide", for ho er heilt ut bygt paa den Heilage Skrift. Trass i sin skarpe tone slapp ho igjennom censuren ved Universitetet. Han forandra noko etter censuren !

Fyremaalet med denne boki, som er M. Nils's hovudverk, er aa formana til aa prøve seg sjølv, um ein hev den sanne tru, d.e. den aandeleg levande og saliggjerande tru. Han aatvarar her ideleg imot vantru og falsk tru, men framforalt imot "den historiske tro", som er kraftlaus, skinheilag og daud. Gjennom heile boki gjeng kvasse utfall imot hans motstandarar, og han ropar ut eit varsku imot Guds vrede.

Likesom kometen i 1618 var ei fyrebod paa den lange og blodige krigen (trettiaarskrigen), so hev det i dei allersiste tider hehdt mange underlege jarteikn, som varslar "en Almindelige og Plutzelige Ægyptiske Ødelæggelse, Forderfuelse og Vndergang"<sup>36</sup>. - Tanken paa Guds vreide, dom, hemn og straff og paa dei jarteikn som varsla vreiden, var komen serleg sterkt for honom, og han reknar dei upp i ein aandeleg song som han dikta 1648 til paaminning og aatvaring:

Blodsoet med Pest oc hastig Død,  
Misvext, Dyrtjd oc Hungersnød<sup>37</sup>

.....

... Med Tegn oc Siuner Grumme  
Mangfoldige oc skreckelig  
I Lufft, paa Jord oc Haw tillig<sup>38</sup>

...

Selsom Farter blant Folck oc Fæ,  
Blod-Siun, Suerd, Rijs oc Krijgs-Armæ<sup>39</sup>

...

... Storm, Jordskelff oc Vinds brusen<sup>40</sup>..

Saman med dei tvo songane fraa 1646 og 1647 gav M. Nils ut jar-teiknsongen fraa 1648 under titelen Tre Aandelige Sange, Chra. 1649<sup>41</sup>

I "Troens Erindring oc Prøfuelse untalar han fleire teikn:

"It w-tjddigt Foster" i Christiania 1649", "Modige Taaris Graad oc ...Blods udjudelse aff Menniskens Brøst, Hænder oc Negle-rødde" i Gudbrandsdalen 1650<sup>42</sup>, - "det Himmelske Firmamentis Forførdelige Siuner, og meget store Bulder oc Lind", "Skreckelige Ild oc skadelige Vandflode oc Regnens Ofuerflødigheds til Jordens Affgrødis Merckelige Fordærffuelse"<sup>43</sup>, - "Gruelige Jordskelff oc Stormvinde", "Talende Advarsels oc Formanings Røst oc Stemme aff Ilden", "mange Selsonne Fødsler blåt Mennisker oc Diur", "Menniskelige Forsters Liudelige oc Væ-klagelige Graad oc Skrig audi Moderens Liff", "Merckelige oc Tenckværdige Figurer, Grøffter oc Billeder paa Jorden oc Vnderlige Tegen aff Vandet oc Hawet"<sup>44</sup>

Undergangen skal raaka dei "Vantroende, Falske, Historiske oc Døde-Troende Ægypter"<sup>45</sup> Men Gud skal vera med sine "Sandelig-troende Aandelige Israeliter"<sup>46</sup> og føra deim til sin "Glædelige Forløsning oc Herlige Vdgang"<sup>47</sup>

Striden mellom M. Nils og M. Trugels heldt fram ogso etter domen i 1650. Der er uklaart, um M. Nils framleides hev halde konventiklar - aandelige sammenkomster <sup>48</sup>. Men det kom upp nye stridsemne.

Soleis hevda M. Nils, i en samtale i kapitlet 1651, at det var nokre ord i nattverdritualet, som ikkje fanst i Bibelen. Døt stod ikkje i den Heilage Skrift, det som vart sagt i nattverdformaningi, at Christus hev gjeve oss sin lekam og sitt blod "at æde og drikke til syndernes forladelse". Dei ugudelege og ubotferdige kunde ikkje faa syndsforlating i nattverden; for det var ikkje nok aa tru at Christus er tilstades i sakramentet, og aa gjera det som han hadde sagt, aa eta og drikka; naar ein held fram i sin ubotferdige livnad med openberre og forargelege synder, daa fær ein ikkje syndsforlating, kor ofte ein so tek imot sakramentet.

"Thi - segjer M. Nils seinare i ei forklaaring un dette punkt - de ugudelige og ubodfærdige kunne ogsaa ved den historiske, døde og kraftløse tro sig fastelig og stærkelig indbilde og tro, ikke aleneste at Christus er allevegne tilstede og derfor ogsaa udi sacramentet, men ogsaa at Gud og hans søn Christus er dem naadig og forlader dem alle deres synder, og at de æde Christi legem og drikke hans blod til deres synders forladelse og til en stadfastelse derpaa; thi saadant hører de ubodfærdige gjerne, nemlig at Gud vil være saa vel tilfreds med dem; og det er dog Guds sandhed, at alle saadanne have ikke deres synders forladelse hos Gud, og at de æde og drikke uværdeligen sig selv dommen, ... idet de ikke have den sande, levende og formedelst kjærlighed virkende og arbejdende tro, ... uden hvilken de indenlunde kunne rettelig gjøre forskjel paa Herrens legeme".<sup>49</sup>

M. Nils's meiningar i dette stykke hekk saman med den læra han og hans tilhengjarar fyrr hadde komi med, og som vart forstaatt slik, at dei lærte at gode gjerningar var naudsynlege til søla. Men serleg vart det lagt merke til ei pinsepreika 1651, der M. Nils aatvara imot antikristelege lærarar, og uttala at slike fanst ikkje berre hos papistar og kalvinistar og andre sekter, men "dessverre ogsaa i vore lande"<sup>50</sup>. Dette vart oppfatta slik at han meinte "saadanne antichristiske Kirketjenere skulde findes in Ministerio Ecclesiastico til Christiania"<sup>51</sup>.

Men dei djerve ord i pinsepreika 1651 kom M. Nils dyrt aa staa. Nokre faa vikor seinare maatte Hannibal Sehested gaa av fraa stadhaldarembetet i Noreg, og M. Nils miste dermed hans mektige vern. Han vart innkalla til Kjøbenhavn for aa gjera greida for seg.

Etter paalegg av kong Frederik III (15. august 1651<sup>52</sup>) vart M. Nils teken til forhøyr av universitetsteologane med Sjællands biskop dr. Jesper Brochmand i brodden, 19. august 1651. Dei fyrela honom 14 spursmaal, som han laut svara paa, og han gjorde daa her utførleg greida for seg<sup>53</sup>, - og ein lyt segja, han gjorde det klokt og godt.

Det fyrste av dei 14 spursmaali galdt hans utsegner i pinsepreika um dei antikristelege prestane. Han svara ikkje beint fram: "Man haver sig ikke aleneste i Christianiæ menighed, men udi den ganske christen-  
hed vel at vogte for saadanne ministris og kirketjenere"<sup>54</sup>. "Ingen christen bør at indbilde sig, at enten Christiania eller nogen anden af de christnes menigheder kan udi disse sidste og onde forførelses dage være saa sikker, fri og ren, at der jo skulde noget antichristisk hænge ved deres Ministerio, lærere og kirketjenere, for hvilket enhver ... bør ... sig ... at vogte og tage i vare".

Hans pinsepreika var vidare forstått slik, at han hadde sagt at tenesta aat prestar som førte eit ureint liv, var verknadslaus. M. Nils's svar viste at han rekna spursmaalet for rangt stelt. Det var ikkje presten, men syndaren det var um aa gjera med ved absolusjonen. Ikkje eingong Gud i himmelen kunde gjeva syndsforlating, solenge syndaren var ubotferdig<sup>55</sup>. - I ein annan samanheng heldt han fram, at det aldri hadde vore hans meining, at "prædikeembedets værdighed, kraft og frugt skulde afhænge af noget syndigt meneskes person eller af hans egen dueligheid og skikkelighed", for all slik kraft kjem ifraa Gud og hans aand. M. Nils var soleis ikkje donatist. Men han vilde ha fram, at den prest som var blind i aandelege ting, kunne ikkje retteleg leida andre blinde<sup>56</sup>.

Fleire spursmaal galdt striden med M. Trugels, andre kom inn paa konventiklane. To punkt gjekk inn paa hans personlege kyrkjelege stilling. Han hadde no paa andre aaret halde seg ifraa nattverden. Det var, svara han, ikkje skjet for aa vanvyrda Christi skipnad og kyrkja sine ordningar, men "med hjertens smerte og bedrøvelse" og "for min samvittigheds skyld"<sup>57</sup>. Grunnen var, at det snart i ti aar hadde vore honom forbode aa ha samkomor med sine aandelege vener i sitt hus, - aar etter aar var det blitt aatvara imot deim fraa preikestolen som "entusiastar" og dei var blitt utskjelt som "mistænkte og vederstyggelige"<sup>58</sup>. Men baade Skrifti og ordinansen segjer, at dei som vil bruka nattverden saman, "skulle være eet og eens i Christi sandhed og ingenlunde aabenbarlig og kjendelig stride derimod eller med hverandre indbyrdes". M. Nils kunde med godt samvit for Gud og verdi segja seg fri for det som prestane skulda honom for. "Derfor finder jeg at det strider mod Herrens bud, at jeg skulde bruge Herrens

Herrens nadvere med dem og ved deres administration, som saaledes stride mod sandheden"<sup>59</sup>. Christus og hans Aand byd alle sanne kristne aa fly og sky alle dei som strider imot "Christi disciples foreneelse og christelige omgjængelse"; difor hev han "drivende aarsag til at holde mig fra enhver kirketjener og lærer, som ingenlunde vil efter... Christi eget bud, bøn og vilje være ens og eet med mig og andre christne"<sup>60</sup>, men "skjælder de christnes kjærlighed og forenelse udi Christo at være en djævelsk, enthusiastisk sammenkomst af løse folk"<sup>61</sup>. Han hadde ynskt\* aa faa gaa til nattverden "hos dem som ville være ens med mig udi Christo og hans Sandhed", d.v.s. sjølv velja seg den prest han kjende seg i aandeleg einskap med, han freista i Kbh. Men det vart honom nekta av bp. Brochmand. Difor er det paa høge tid, at alle sanne kristne no "udgaar, afsondrer og afskille sig" fra alle dem som forfygjer og spottar deim<sup>62</sup>.

Til spursmaalet, um han framleides vilde hava umgang med "fordægtige personer" i kyrkjelyden i Christiania, hvis kongen forbød det, svara han, at kongne visst ikkje vilde "forbyde den ene christne at besøge den anden, og at omgaaes med den anden, naar deres besøgelse er ærlig christelig og uforargelig". Men dersom saadant forbud kunde ske, da var Gud mit vidne, at jeg vilde heller lade bøddelen hugge mit hoved fra mig, end jeg vilde for nogen trusel eller timelig fares skyld foragte og forskyde nogen fattig og gudfrygtig christen, som kunde være mig til christelig opbyggelse, og derimod omgaaes med de ugudleige, fordi at de kunde være rige og for verden store og anseelige"<sup>63</sup>.

Universitetet uttala ikkje nokor meining eller nokon dom um M. Nils og hans sak - Og daa kongen spurte dei høglerde, kva ein vidare burde gjera, raadde dei til aa visa saki heim til Christiania igjen<sup>64</sup>. So skjede. Kongen oppnemde tvo domarrar, stadhaldaren Gregers Krabbe og biskopen i Stavanger M. Thomas Karlsson Wegner (22.sept. 1651), og gav biskopen i Christiania M. Henning Stockfleth i oppdrag aa vera aktor<sup>65</sup>, og paala desse menn aa innstemma M. Nils til aa forhøyrast og dømast.

Nokon upartisk rettargang kunde det likevel ikkje verta, um ein let M. Nils's motpart M. Trgels vera utanfor saki. Etter sêinare paalegg fraa kongen (5. desember 1651) vart

han og stemnd fôr domstolen<sup>66</sup>.

Ved rettargongen paa Christiania kapitelhus 30. mars 1652 vart dei tvo menn tiltalt "formedelst adskillige mistænkelige prædikener, utidige forsamlinger, hemmelige øvelser, høje og dyre sigtelser, skadelige og utilbørlige angivelser, hvormed I ikke alene, udi steden for forenelse og samfund, istedenfor Guds ære og den kristne menigheds oppbyggelse, hverandre skal have angrebet og efter egne passioner med mistanke have besmittet, udraabt og beskjemmet, medens endog derved Christi kirke paa dette sted samt den ganske menighed foruroliget, præsteskapet berygtet og udført til forargelig forhaanelse"<sup>67</sup>.

Klaga aat aktor, biskop Stochfleth, inneheldt sju postar mot M. Trugels og sju mot M. Nils. Etter at M. Trugels hadde framført sitt forsvar<sup>68</sup>, vart dom avsagt i hans sak 6. april 1652<sup>69</sup>. I sume klagepunkt gav retten biskopen delvis medhald, men i dei fleste postar vart M. Trugels kjent fri. Klaga galdt sovel hans strenge framferd imot entusiastane som hans milde administrasjon av kyrkjedisiplinen mot andre. Han vart sitjande i sitt embete som sokneprest i Christiania til sin død i 1669.

Nokon dom over M. Nils foreligg ikkje. Klagepostane gjekk ut paa fylgjande:

- 1) at han hadde halde konventiklar,
- 2) at han hadde skjellt ut prestane fraa preikestolen,
- 3) at han hadde lært mot Augustana art. VII i pinsepreika 1651,
- 4) at han og hans hustru hadde halde seg fraa nattverden sidan september 1649,
- 5) at han hadde skulda prestane for antikristeleg embetsførsla,
- 6) at han hadde lasta nattverdformaningi i Altarboki,
- 7) at han forsvare kjætterske bøker, av Jacob Böhme, Johan Jacob Fabricius og Christian Hoburg.

- I retten 6. april 1652 la han fram eit utførlegt forsvar um post 4<sup>70</sup>, som han og straks sendte til den kongelege kanslaren Christian Thomesen Sehested<sup>71</sup>, som hadde vore tilstades ved kongehyllingi i Christiania 1648 og daa høyrte M. Nils preika.

Me veit ikkje kva for postar retten hev funne M. Nils skuldig i, heller ikkje kva fylgjor domarane fann at saki skulde hava for honom. Det kann ikkje utan vidare vera avsagt nokon avsetjingsdom over M. Nils. Han segjer sidan sjølv, at han ikkje var dømt ifraa sitt embete i Christiania<sup>72</sup>. Og i 1653 tilstod kongen honom ein sømeleg pensjon av statskassa<sup>73</sup>. Men i alle fall laut han gjeva upp sitt lektor-embete.

Han flutte fraa Christiania alt vaaren 1652 og busette seg paa Christianshavn (ved Kbh.)

M. Nils Svendssøn Chronichs seinare historie tilhøyrrer ikkje Noreg. Men den aksjon som ei tid etter vart ført i Kjøbenhavn mot hans tilhengjarar og sidam mot honom sjølv, kastar ljøs tilbake og markerar hans kyrkjehistoriske stilling, og fortener difor ein kort uttale her.

I dei fyrste aari etter striden i Christiania levde M. Nils fredeleg paa Christianshavn, og i Kbh? hadde samkvem med prestar og studentar i Kjøbenhavn, som han jamnan talte med um teologiske emne, og underviste teologiske studenter, serleg i hebraisk. Baade han og hans hustru sysla med umsetjing av uppbyggelege skrifter (1653).

Blandt studentane var det tri danske, som frammmum andre vart hans lærviljuge disiplar og vart vunne for hans sereigne meiningar: Esaias og Johannes Fleischer og Trugels Knoff. Serleg delte dei med honom vanvyrnaden for det tilskikka lærarstandet i kyrkja og hugen til aa lesa prestane teksti. I anonyme brev<sup>74</sup> som vart haldne i profetisk-apokalyptisk stil, vendte dei seg i 1655 til sokneprestane i Kjøbenhavn med strenge straffetalar og aalvorlege formaningar til aa gjeva skjel for seg i embetet. Prestane vert kalla "forførere" og "Guds navns bespottere" og deira forkynning "løgn" og "bedrageri". Og daa den ivrigaste av studentane, Esaias Fleischer, framstelte seg til skriftemaal for soknepresten i Helliggeistes kirke, forlangte han at skriftefaderen fyrst vedrørande si embets-tenesta skulde gaa inn paa 9 krav, som han kalla "den Hellig Aands vei"<sup>75</sup>, - elles vilde han ikkje taka absolusjonen eller sakramentet av hans hand. - Mistanken for paskvillane fall fyrst paa M. Nils, men han kjente ingenting til dei og visste ikke av deira opphavsmann<sup>76</sup>. Sidan vart dei tri studentane etter kgl. ordre stemnde fyre universitetskonsistoriet (25. mai 1655), og etter klaga av den kgl. hovpredikanten dr. Johan Dirichsøn (Bartsker)<sup>77</sup> og tilsvar av Esaias Fleischer<sup>78</sup> fall det dom: Esaias Fleischer vart fraadømt sine akademiske rettar, dei andre vart relegert paa 3 og 1 aar. - Esaias Fleischer kalla sidan tilbake sine lærdommar og stod offentleg skrifte i Helliggeistes kirke<sup>79</sup>. Etter mange aars utanlandsreisor vart han sokneprest ved den samme kyrkja, og det ein vyrd og dugande prest, alltid fritalande. Trugels Knoff møter me igjen som fut i Buskerud, og Johan Fleischer som bergraad og medlem av oberbergamtet paa Kongsberg<sup>80</sup>.

Men saki mot studentane var berre innleiding til ei ny rettsak mot M. Nils Svendssøn Chronich fyre universitetskonsitoriet (13. juni 1655). Saki galdt "nogle grove skrifter, ord og tale" og "hans forargelige liv og levned og ellers mistænkelige lærdom". Etter kgl. ordre førte hovpredikanten dr. Johan Dirichsøn ogso denne sak<sup>81</sup>. Klaga gjekk ut paa tri ting: 1) at M. Nils hadde holde seg fraa altarsakramentet i mange aar, og dermed vanvyrddt presteembetet og forarga kyrkjelyden, og forset seg mot Christian IV's recess ved aa undslaa seg for openbert skriftemaal; 2) han hadde halde private collegia - gjeve privat undervisning - utan samtykke av Univeristetet; han hadde gjeve "occasion" til paskevillane aat dei tri studentane, "idet han i sine lectionibus haver ideligen invekeret sig paa ministrorum ecclesiae store laster og lyder". Fire prestar i Kjøbenhavn og ein student vart ført som vitne<sup>82</sup>. Dei gjorde greida for ei lang rekkja villfarande meiningar som dei hadde høyrte av M. Nils i samtalar fleire aar tilbake. Ei vika etter gav M. Nils utførleg forklaring um alle dei skuldingar som var framsett imot honom<sup>83</sup>. - Hans svar vedrørande dei dogmatiske spursmaal gjekk i dei fleste stykke ut paa, at han ikkje hadde slike meiningar som vitni tilla honom. I sume tilfelle hevda han, at hans meining samsvara med Skrifti. Det vart fyrehalde honom, at dei som vilde bu i riket, maatte retta seg etter Confessio Augustana og Frederik II's framandartiklar. "Hvortil han svarede: 'Det kan jeg ikke gjøre, uden saa vidt det konner overens med Guds ord'"<sup>84</sup>. Han vart spurt, anten han vilde godkjenna Augustana og "vore libros symbolicos" eller aktast for kjættar. Han gav ikkje noko beintfram svar, men hadde skruplar og innvendingar<sup>85</sup>.

Det er vanskelegt aa verta klar over M. Nils's dogmatiske villfaringar av denne rettsak. I sitt forsvar innlet han seg ikkje gjerne paa dogmatiske definisjonar. Ved nærmare eksaminasjon kom læra hans tydeleg fram paa tvo punkt: 1) at "Christi menneskelige natur... ikke... er af Adams, Mariæ og vores jordiske væsen, eller og af den jordiske Adam og creatur, som vi ere af, men at han er den himmelske og aandelige Adam"<sup>86</sup>, 2) "at Christus ikke anderledes er in Novo Testamento tilstede i sacramentet, end han var in Veteri Testamento med sit himmelske legeme og blod"<sup>87</sup>.

Vidare vart det fastslaat, at M. Nils paa uriktig maate gjorde skildnad millom det utvertes og det innvertes ord, eller "mellem bogstaven og aanden"<sup>88</sup> - M. Nils ynskte aa koma med eit nytt innlegg um Christi menneskelege natur (28. juni 1655)<sup>89</sup>, men det vart



honom nekta.

Domen vart avsagt av 9 professorar 11. juli 1655. Dei fann M. Nils skuldig ikkje berre i dei tri postane som klaga aat aktor gjekk ut paa, men ogso i villfarande læra i strid med den Heilage Skrift og Confessio Augustana.<sup>90</sup>

Etter lovi skulde han landsforvisast, men donarane sette til øvrigheiti, um han burde straffast paa annan maate<sup>91</sup>. Kongen let han setja i fengsel paa Dragsholm slott. Det vart han sitjande i minst tri aar. M. Nils var, rimelegvis under rettsaki, kanskje ogso i fengslet, fleire gonger formana til aa avsvergja sine villfaringar, men han vilde ikkje innrøma at han hadde urett og nekta difor aa staa offentleg skrifte; tilslutt<sup>sk</sup>vart han daa bannsett<sup>92</sup>.

I mars 1658 søkte han den engelske sendemannen i Kjøpenhamm um hjelp til aa sleppa ut or fengslet<sup>93</sup>, og rimelegvis hev sendemannen tilraadt dette daa han overleverte søknaden til Regjeringi. Men det vart ikkje teke noko umsyn til den stakars manns ynskje um atter aa faa koma saman med hustru og born, enndaa han lova, at han ikkje ved nokor offentleg skrift skulde søkja hemm over sine motstandarar, men leva fredeleg.

Daa svenskane under krigen i 1658 var herrar i Danmark, skal M. Nils vera blitt løyst or fengslet. Men daa han ikkje hadde noko godt aa venta i heimlandet, drog han med kona si til Nederland<sup>94</sup>. M. Nils's vener heldt svenskekrigen for ei oppfylling av hans profetier um Guds vreide over den raadande vondskapen<sup>95</sup>.

Men i Danmark rekna dei M. Nils Svendssøn Chronich for faarlegare enn nokonsinne. Hausten 1659 vedtok konsistoriet ved Kjøpenhamms Universitet aa formana dei akademiske borgararne som for til Holland til aa halda seg ifraa "baade offentlige og hemmelige omgjængelse" med M. Nils. Dette skjede ved ei latinsk kunngjering, dagsett 2. november 1659, som er ingenting mindre enn ei fulminant bannbulla over den namngjetne kjættarn - perditionis ille filius - som Universitetet steller paa lina med kjættarhovdingar baade i gamle - kyrkja: gnostikarane, Valentinus og Hedron, Markion, Mani, Apollinari(u)s av Laodikæa, - og i reformasjonshundradaaret: den nederlandske atterdøyparen Menno Simonis, Caspar Schwenckfeld, den italienske antitrinitarier Faustus Socinus som hadde grunnlagt unitarkyrkja i Polen, og Valentin Weigel. Kjøpenhamms Universitet tilla M. Nils den vranglæra, at han neitta at Christus var komen i kjøtet ("in carne venisse non fateatur"), og kunngjorde at den

den som vart smitta av denne kjøttarskapen, vilde verta utestengd fraa embete i fedrelandet<sup>96</sup>.

M. Nils Svendssøn Chronich var i fyrste rekkja religiøs individualist (og subjektivist?). Han kjende seg bunden berre av Gud og sitt eige samvit. Kyrkjelæra, konfesjonen var ikkje utan vidare autoritet for honom. "Hvorfor skulde jeg da svinde imod Gud og min egen samvittighed?"<sup>97</sup> "Gud og min samvittighed ere mine faste vidner"<sup>98</sup> "Jeg, med frygt og rædsel for Guds aasyn, ved hans naade beflitter mig paa at have en ren samvittighed for Gud".<sup>99</sup> Han visste seg opplyst og rettleidt av Guds Ande. Men samtidig la han i skrift og tale alltid den sterkeste vekt paa Skrift-ordet, og kjende seg bunden av det i sitt samvit, - slik som han sjølv forstod det - . At han for den sak skuld kom i konflikt med ei kyrkja, som kalla seg etter Luther, er det tragiske i hans historie.

Men spursmaalet er um han fann seg tilrette i noko anna samfund. I Nederland, der han søkte tilhald, kunde han møta tilhengjarar av alle slag spritualistiske retningar: anabaptistiske sekter (som mennonitana og kollegiantane), engelske puritanar, polske socianar. Nederland var heimstaden for den religiøse toleransen i Europa paa 1600 talet; det spela den same rolle som religiøs fristad som Amerika sidan. Fraa alle leider strøynde individualismen og subjektivismen inn i landet.<sup>100</sup>

I 1660 finn me M. Nils i Amsterdam - buande i huset hjaa ingen ringare enn Johann Amos Comenius<sup>101</sup>, den store kristelege og pedagogiske fyregangsmannen, som etter uavlateleg umflakking i dei urolege krigstider fann tilhald i Nederland dei siste 14 aar av sitt liv (1656-70). Comenius, som hadde vore biskop for dei mæhriske brødrane i Polen, var bl.a. chiliast<sup>102</sup>, - alt det hans folk hadde måtte lida, tvang honom til aa vona paa ei ny tid; og hands yndlingstanke var, at dei kristne skulde lata seg binda saman av alt det som var felles, i gjensidig forstaaing, til einskap og fred, ut over partivesen og strid<sup>103</sup>. - Det er sympatisk at Chronich hev funne ein aandsfrende i Comenius. Men sidan misser me Chronich av syne. Alt me veit, er at han og kona hans døydde i Amsterdam, men aarstalet er ukjent<sup>104</sup>.

Chronichs upptrede var ikkje utan verknad for kyrkja i heimlandet. Hans kritikk av livet aat presteskapet var ikkje utan grunn, og hans vekjarrop var ikkje faafengt. Kort etter domane over dei tri studentane og M. Nils utgav kong Frederik III ei merkeleg forordning, 24. november 1655<sup>105</sup>, som hadde til formaal aa lyfta vyrdnaden for preste-embetet. Her vart det understreka so sterkt

som aldri fyrr, at "det hellige presteenbete af Gud selv med himliske myndighed paa jorden er indstiftet", og at øvrigheiti maa halda dette embete "udi saadan akt og verdighed som den hellige Gud i sin egen ordning og tjeneste vil have æret og holdet". Men der finst "menniskelighed hos personerne", og difor "skal alle de, det hellige presteenbede betjene, alvorlig være advarit og paamindte, at de med deris liv og levnit ikke selv deris embede vanærer eller bringe(r) i forakt, mens sig saaledis altid forholder, som deris kalds verdighed udkrever". Superintendentane vært formana til "at have saaledis tilbørlig indseende, at de forargelige i tide kan vorde kjendt og sett til rett, førend menigheden tager aarsage baade prest og embede at forakte".

Men meir enn fyrr skulde kyrkja no vera paa vakt imot konventiklar, - "hemmelige, skadelige samkvem og fremmed dristighed" som søker "dennem som ikke bedre forstaar, efter haanden fra vore kirker og den der udi vedtagen brugelig Gudstjeneste at forlede og forføre". Forordningi inneheld eit aalment forbod, "at ingen særlig samkvem til nogen anden religionsøvelse bliver tilsted og holdet, end den som hid indtil i vore kirker offentlig haver været øvet og brugt".- Der skal berre vera eit undantak: at framande residerande ministrar av annan religion skal kunna bruka sine "relions-exercitia" for seg og sine tenarar og deira hus. Men slik tenesta maa ikkje haldast utanfor huset aat vedkommande og ikkje for andre, korkje preika eller sakramentutdeling. Ingen annan enn ministrane og deira tenarar skal ha rett til slik framand religionsøving, "om de endskjønt ere af samme religion", og ingen som er "af vores egen religion" maa vera tilstades.

NOTER TIL KAP. XII , 7: Nils Svendssøn Chronich

1. Allg. Deutsche Biographie XII, 655-6
2. PRE <sup>3</sup>III, 368
3. jfr. Khs. 3. IV, 591.
4. Ehr. Müller II, 241.
5. RGG. IV, 789.
6. 1636-9
7. Th.T. I, 1858 s. 294, II, 1859, s. 465.
8. NB. at ho likesom han heldt seg fraa nattverden fra sept. 1649.
9. Ehr.-M.
10. Kh s. 3 III, 529
11. s. 242
12. I, 251
13. KhS 3, III, s. 531
14. KhS. 3 III, 560-2
15. I, 260
16. KhS. 3 III, 550, 564 f. 566 f.
17. s. 262
18. s. 262
19. s. 262
20. s. 263
21. s. 263
22. Th.T. I, 263, 271, 297
23. Th. T. I. 271, 297
24. Allg. D. Biogt. VII, 243-4
25. PRE <sup>3</sup>XVII, 543
26. L 117: Jesu, kom dog selv til mig; L 415, R 410: Bort, Verden,  
af mit Sind og R 657: Vil du have ro, min sjel.
27. Allg. D. Biogr. VI, 515-6. L.J. Moltesen, Fredrik Bockling,  
s. 65-6
28. PRE <sup>3</sup>XI, 681
29. I, 288
30. I, 281.
31. s. 286
32. s. 290
33. s. 291
34. I, 294 uriktig: 22. jan. 1575
35. s. 298.
36. Tr.Er. o. Pr. s. 552.

37. (v.9)
38. (v.16)
39. (v. 17)
40. (v. 18)
41. s. 548
42. s. 550
43. s. 549-50
44. s. 550
45. s. 553
46. s. 553
47. s. 555
48. 1936 5/3 9<sup>15</sup>-10. 2 tilh. jfræ KhS 3 III, 531-3
49. KhS 3 III, 540-1
50. Th. T. II, 53.
51. KhS 3 III, 519
52. KhS. 3. III, 517
53. s. 518-545
54. s. 519
55. s. 534.
56. Th.T. II, 57. jfr. KhS 3 IV, 581-3, 614.
57. s. 537
58. s. 537
59. Th.T. II, 56.
60. s. 538.
61. s. 539.
62. s. 539
63. s. 544.
64. s. 545 f.
65. s. 546, 547.
66. s. 563.
67. Th. T. II, 54: temmingi av 12/3 1632
68. KhS 3 III, 563-6.
69. s. 562-8
70. utdrag i Th.T. II, 55-7.
71. KhS 3 IV, 581.
72. KhS 3 IV, 596
73. KhS 3 III, 569 f.
74. s. 584-7. 588-9
75. s. 579-94
76. s. 571-3

77. s. 575-79
78. s. 593-602
79. Pont. Ann. III, 443
80. KhS 3 III, 607.
81. s. 563-5.
82. s. 569-78.
83. s. 579-614.
84. s. 615
85. s. 615.
86. s. 615-6, jfr. s. 617 n. 3
87. s. 616.
88. s. 619, jfr. s. 574, 577, 606 f., 608, 610
89. s. 617 n. 3.
90. s. 624.
91. 1936 5/3 10<sup>15</sup>-11. 2 tilh. .
92. s. 625
93. s. 622-3
94. KhS 3 III, 601
95. Pont. Ann. III, 443
96. KhS. 3, III, 625-6
97. KhS. 3. IV, 582.
98. s. 590
99. s. 592.
100. K. Müller, KG. II. 2<sup>1-2</sup>, 528
101. L.J. Moltesen, Fredrik Brækling, s. 57.
102. jfr. V. Kuhr, Det pædagogiske System i Comenius's Didactica Magna, p. XVIII.
103. KLN. I, 539 f.
104. KhS 3 III, 609.
105. DK1 III nr. 382

8. Andre spiritualistar.

Den spiritualistiske mystikk i Noreg paa 1600talet var ikkje avgrensa til M. Nils Svendssøn Chronich og hans krins. Fraa hans tid ut-etter møter me her og der i landet fleire andre einskilde menn av liknande retning.

Minst kjent blandt desse er tyskaren Baltzer Trebsdorff.<sup>1)</sup> Han var fødd i Ettersburg i Thüringen; i 1640-aari finn me han i Noreg, fyrst som bergskrivar hos oberberghauptmannen,<sup>2)</sup> seinare som postmeister i Drammen.<sup>3)</sup> I 1651 sette kongen han til berginkvisitor i Noreg, med den oppgava aa leita upp malmforekomster kring i landet og aa visitera bergverki for aa samla merkelege ertsstoffer o.a. aat kongen; han fekk difor generalpass for fri skyss overalt i Noreg.<sup>4)</sup>

Under opphald i Kjøpenhamn i den flg. tid kom Trebsdorff i samband med den danske svermaren Jesper Baltzersen Könechen (1629-1715).<sup>5)</sup> Han var teologisk kandidat, son til ein (tyskfødd) borgar i Kjøpenhamn,<sup>6)</sup> og var paaverka av Weigel, mogeleg ogso av kvækarane, og hadde havt umgang med Nils Svendssøn Chronich.<sup>7)</sup>

Likesom kvækarane uttala Könecken seg imot, at kristne hadde verdsleg øvrigheitsmakt;<sup>8)</sup> han var ein motstandar av krig, daa han fann at all krig var dei kristne forbode i det Nye Testamente,<sup>9)</sup> og under Kjøpenhamns forsvar i svenskekrigen (1658?) hadde han fæista aa overtala borgarane og studentane til aa leggja vaapni ned; han hadde ogso elles avvikande lærdomar um fleire dogmatiske spursmaal. Sjøllands biskop forbaud honom preikestolen, men han kjende seg dreven til aa staa fram som botspredikant, og tok oftare ordet i kyrkjorne etter preika eller jamvel midt i preika:

Under den rettssak, som vart ført i Kjøpenhamn mot Könechen i 1663, kom det fram, at Baltzer Trebsdorff, som hadde vore ein god ven av Jesper Könechens far, var halden for aa næra svermeriske meiningar, m.a. um presteembetet, og det var tvil um han kunde vera "et gudfrygtigt menneske og en ret christen."<sup>10)</sup>

Trebsdorff hadde late Jesper Könechen lesa ei bok med titel "Irenicum", som fordømte krig millom kristne, - visstnok ei bok fraa Amsterdam 1658 av den tyske socinianaren Daniel Zwicker<sup>11)</sup> (1612-78), ein lækjar, som i dette stykke var paaverka av dei mähriske brødrane.

Fraa Trebsdorffs hand fyreligg det ei liti tysk bok, prenta i Kjøpenhamn 1640, um sundags-evangelia og -epistlane, i form av minnevers med tilhøyrande bibelspraak.<sup>12)</sup> Det karakteriserar forfattaren, at den slesvigske mystikaren Friedrich Breckling (1629-1711) nemner Trebsdorff millom "sanningsvitni etter Luther" paa grunn av denne hans "gottselige tractat".<sup>13)</sup>

Millom dei same sanningsvitni umtalar Breckling ogso Trebsdorffs

landsmann lækjaren M. Ambrosius Rhodius i Christiania (1605-96). Det er blitt sagt, at dette "er sikkert for megen ære" paa Rhodius.<sup>14)</sup> Og det er nok so, at hans fengselsmartyrium - som vel serleg hev kvalifisert honom som sanningsvitne i Brecklings augo - hadde ei onnor orsak enn separatisme. Men granskar ein nærmare etter, finn ein, at det likevel ligg noko til grunn for at ein mystikar i daatidi hev rekna Rhodius millom sine aandsfrendar.

Rhodius, som var presteson fraa Kemberg i Sachsen, var ikkje teolog men naturgranskar og medicinar. Han tok magistergraden i Wittenberg, verka ved universitetet i Königsberg, vart lækjar i Kjøbenhavn og kom i 1637 til Christiania, utnemnd av kongen til medicus der i byen og til professor physices et matheseos ved Gymnasiet; i denne eigenskap var han kannik i Christiania kapitel.

I naturvitskapen og medicinen var han - som so mange andre i daatidi, ogso Comenius - ein tilhengjar av den namngjetne lækjaren og naturfilosofen Theophrastus Paracelsus, professor i Basel (d.1541), - den forfattaren som var sterkast representert i Rhodius's bibliotek. - Rhodius spekulerte over sjelevandringi og gav ut ei skrift um dette emne 1638. Han var sterkt uppteken av astølogia, og paa Eiker 1. august 1657 hadde han ei syn i stjernorne, som etter hans tanke varsla den ulukkelege krigen med Sverige og den fylgjande statsforandringi med innføring av eineveldet. Um dette overleverte han kongen eit latinsk dikt, trykt 1660.<sup>15)</sup>

Rhodius's standpunkt i rettssakene mot hans kollega Chronich er ikkje nærmare kjent. M. Nils segjer sjølv, at han hadde "nogle ex capitularibus" imot seg,<sup>16)</sup> - det skulde tyda paa at ikkje alle var hans motmenner. Vil ein leita etter ein meiningsfrende av M. Nils i kapitlet, maatte ein festa seg ved Rhodius. Paa det tyder hans bibliotek, som er registrert i 1662,<sup>17)</sup> og talde 437 nummer. Blandt dei teologiske og oppbyggelege skrifter finst her, forutan Chronichs bøker,<sup>18)</sup> skrifter av menn som tilhørde den kyrkjelege oppbyggelege retning: Johann Arndt's Wahres Christentum baade paa tysk og latin,<sup>19)</sup> Martin Statius's Geistliche Schatzkammer<sup>20)</sup> (1635) etter presten i Salzwedel stephan Prætorius (d. 1603), ein av Johann Arndts fyrelauparar, - ei bok, som Philipp Jakob Spener sette høgt og ofte viser til, men som vart aateki fraa ortodoks sida, serleg av Speners motstandarar,<sup>21)</sup> - vidare skrifter av Jens Dinesen Jersin<sup>22)</sup> og Holger Rosenkrantz,<sup>23)</sup> - men ogso skrifter av tyske spiritualistar: Valentin Weigel,<sup>24)</sup> Johann Jakob Fabricius,<sup>25)</sup> Christian Hoburg,<sup>26)</sup> Abraham von Franckenburg,<sup>27)</sup> hans nære ven Augustin Fuhrmann,<sup>28)</sup> og Friedrich Breckling,<sup>29)</sup> og andre.<sup>30)</sup> - Av Jacob Böhme aatte Rhodius heile tri skrifter,<sup>31)</sup> og ei av ein annan teosof, den panteistiske mystikaren og chiliasten Paul Felgenhauer.<sup>32)</sup>



Ikkje Rhodius sjølv, men hans hustru tok til orde mot synder i sam-tidi, men ho var uforstandig nok til aa taka fatt paa einiskilde person-ar, borgarmeistrane i Christiania, og vart dømt av kapitlet for injuri-er, 1661; daa ho skulda biskopen og stadhaldaren for aa ha vore part-iske i domen, vart ho dømt av Høgsterett i Kjøbenhavn som lygnar til livsvarigt fengsel. Rhodius som hadde forsvara henne i retten, fekk same dom. Dei vart baae sendt til Vardøhus, 1662.<sup>33)</sup> Daa Rhodius fem aar seinare vart frigjeven, var Gymnasiet i Christiania nedlagt; han verka nokre aar der i byen som lækjar, men vendte i 1672 tilbake til sin fødestad og døydde der (1696).

I Christiania 1658 kom det ut ei bok med titelen "Nogle herlige, deylige og skøne Regle og Lærdomme om et ræt sandt christeligt Levnet". Boki - som ogso fanst i Rhodius's bibliotek<sup>34)</sup> - var ei umsetjing etter Geo. Hartlibius ..... umsetjaren, som ogso hadde forbeta boki, var Christen Pedersen Abel,<sup>35)</sup> ein dansk mann fødd i Nibe i Nord-Jutland, student 1636 fraa Aalborg. Han hadde vore i verdsleg tenesta hjaa kongen av Danmark, og hev truleg paa denne tid havt ei stilling i Noreg, hos rikskanslaren Jens Bjelke eller hos hans son Jørgen Bjelke, lensherre over Bratsberg. Abel tileigna deim boki, og kallar deim sine herrar, vener og promotores. I fyreordet, som gjev uttrykk for hans eigne tankar um tidi, talar han um korleis syndi tek overhand i alle stender, trass i at Gud sender den eine plaaga etter den andre. Dei beste raad han veit aa nemna imot det, er at øvrigheiti, verdsleg og geistleg, høg og lag, ransakar og reformerar sin eigen livnad, og at dei dinæst kvar etter si embetsplikt, straffar det vonde og løner det gode. Prestane raader han til aa preika um krossfesting av hatet og lystene, um daaps-pakti og -lovnaden, um den nye fødsel og fornyingi, og um aa etterfylgja Kristi lovnad. Han talar imot vanekristendomen og segjer han hev meir paa hjarta, men maa gøyma det til eit anna høve. - Abel er nok ikkje ukjend med dei asketiske forfattarane i tidi, og vil vera ein vekkjar som M. Nils Svendssøn Chronich og hans like.

I 1662 finn me Abel i Amsterdam, der han etter oppmoding fraa fleire forneme folk organiserte ein dansk og norsk kyrkjelyd 1663. Han vart kalla til prest for den, vart godkjend av borgarmeistrane og let seg ordinera i Tyskland, og sendte ein mann til Noreg for aa samla pengar til kyrkjelyden. Det lutherske konsistorium i Amsterdam søkte aa hindra Abel, daa han stod i samband med svermarar, m.a. med Fried-rich Breckling, som tok honom i forsvar baade i tale og skrift. Men i 1666 uttala Abel, at han berre kunde godkjenna den Augsburgske konfesjon forsovidt han stemte med den Heilage Skrift,<sup>36)</sup> - same standpunkt som M. Nils Svendssøn Chronich.<sup>37)</sup> Ved etterrøkjing viste det seg, at han var blitt reformert og hadde gjeve seg under det reformerte konsistorium der i byen. Fleire skilte seg daa ut av kyrkjelyden. I ei oppbyggings-bok han gav ut i 1671, "Schat-Kamer der goddelijেকে Wijsheydt", uttala

seg reformert um sakramenti. Til bruk for kyrkjelyden gav han ut baade salmebok (1667) og tekster.

Blandt Abels soknemenn var ogso folk fraa Stavanger og Bergen. Klokkaren hans var ein mann fraa Søgne paa Vest-Agder: Erik - eller som han kalla seg i Holland: Didrik Torkelsson Meyer.<sup>38)</sup> Han kom heimatt til Noreg, tok borgarskap i Christianssand og sette seg ned paa Øye i Kvinesdal, der han budde i huset hos soknepresten. Meyer la før dagen at han no veik av fraa lutherdomen, - prestane i Kvinesdal høyrde han uttala kalvinsk læra um nattverden og naadevalet; medan han var i Holland, hadde han "bedet Fanden fare i sig den dag han skulde gaa til alters for nogen præst i Norge." Han hadde skjellt paa den ortodokse lutherske normal-dogmatikaren Leonhard Hutter (1563-1616), og hadde med seg til Noreg skrifter av Abel, deriblandt salmeboki og eit dogmatisk arbeid, der den reformerte truvedkjening fanst. I Kvinesdal galdt Abel for aa vera ein "sjælemorder der er forbandet...for hans kjætti", og Meyer for "en spyflue", utsendt av Abel "for at forgifte disse menigheder." Bror til soknepresten, ein handelsmann i Kvinesdal, gav ònn klaga til øvrigheiti over Meyer. Stavanger kapitel fann han "ei...saa sincer i vores religion som han selv vil foregive", og han vart dømt til aa ha forbrøte sin eige dom for aa ha innført Abels salmebok i riket, imot det kongelege forbod um kjættarske bøker. - Um han ogso fekk verdsleg straff er ukjent.

I Noreg hadde Jacob Böhme ingen meir tilgjeven discipel enn lækjaren Hans Olufsen (Johannes Olsonius)<sup>39)</sup> i Bergen (1607-84), - "theosophus et medicus Bergensis". Han var bergensar, fødd av norske foreldrar av borgarstand, vart dimittert fraa Bergens skule av den fromme og dyktige rektoren M. Engelbrekt Jørgensson, far til diktarinna Dorothe Engelbrektsdotter, og studerte i Kjøbenhavn. Like til 62 aars alder hadde han ingi fast stilling, men oppheldt seg fleire vendar i aarevis utanlands, i Belgia, England og Holland. Han praktiserte som lækjar i Bergen, og var fraa 1669 til sin død stadsphysicus der i byen.

Han gjorde upptaket til aa skipa Enkefattighuset i sin fødeby, 1663.<sup>40)</sup> Hans ettermann dr.med. Paul Brand, som hev gjeve ut ein latinsk minnetale over honom,<sup>41)</sup> skildrar han som ein dugande vitskapsmann og lækjar, ein strengt rettskaffen, godgjerande og mykje religiøs mann. - Han var ein ivrig kjemikar og hadde ord for aa eiga lapidum philosophorum. I slutten av 1660-aari arbeidde han i lengere tid saman med den italienske lækjaren og alkemisten Francesco Giuseppe Borri,<sup>42)</sup> som oppheldt seg i Kjøbenhavn og dreiv gullmakar-laboratorium. Borri vat svermar og mystikar og hadde i Milano freista aa skipa ei ny kyrkja og ein ny stat. Han var dømt av den romerske inkvisisjonen som kjættar og var brent in effigie 1661, og i 1672 vart han paa nytt dømd, dennegang til livsvarigt fengsel (paa Engelsborg i Rom).

Johannes Olsonius vert nemnd av Friedrich Brechling iblandt sanningsvitni etter Luther,<sup>43)</sup> og det som ein stor ven av Brechlings læremeister den tyske teosofen Ludwig Friedrich Gifftheil,<sup>44)</sup> som var ein hissig motstandar baade av teologar og av krig.

Hans Olufsen hev ikkje sjølv forfatta noko, men han umsette fleire religiøse skrifter til dansk. Utvalet er karakteristisk: Augustin, "om Christi Beskuelse" og "Siælens eenlige Samtale med Gud", "med Tancke-Billeder beprydede", trykt 1681, 1731.<sup>45)</sup> "Det himmelske Academie som lærer os, huorledis vi udi Guds himliske Viisdom oc Kundskab skulde undervises", av den engelske puritanske salmeumsetjaren<sup>46)</sup> Frans Rous ("the Heavenlie Academie", London 1638), umsetjingi prenta 1685.

Hugo de Palma, Mysticus libellus,<sup>47)</sup> Johannes Evangelista, Tractatus de Regno Dei intra nos.

Jacob Böhmes skrifter hev han ikkje berre umsett, men ogso skipa dei til etter innhaldet, soleis at dei myrke utsegner og uttrykk kunde verta forklaara av andre som var tydelegare.<sup>48)</sup> Umsetjingane av desse tri sistnemnde forfattarane vart ikkje prenta.

("Fanatisk studiosus fraa Bergen" upptreder som separatist i Kjøbenhavn Pont. Ann. IV, 595, 1680. = "studiosus fra. Bergen", hadde i nokor tid sete i Vartov hospital, skal sleppa ut att og sendast til sin fader Mogens Pedersen, maa fara ut av kongens rike og land. 2. okt. 1680. Kbh. Dipl. VI nr. 1142, s. 749. - Petrus Magni e schola Bergensi immatr. Kbh. 20. juli 1669. Kbh. Un. Matr. II, 15. Ikkje i KhS.)

Den siste i rekkja av spiritualistar og mystikarar i Noreg paa 1600talet var svensken Anders Pedersson Kempe<sup>49)</sup> (1622-1689), - paa mange maatar minner han i sine religiøse meiningar um M. Nils Svendsøn Chronich, men hans ytre livshistorie var ei heilt onnor.

Anders Kempe var fødd, ikkje i Jamtland, men i Vestergötland, 1622, og var fyrst militær. Han gjekk inn i artilleriet 1646 og tenestgjorde i Jamtland, som aaret fyrr var blitt svensk provins, - fyrst som konstabel, sidan som løytnant,<sup>50)</sup> ved Frösö skanse.<sup>51)</sup> I sin ungdom hadde han upphalde seg ved universitetet i Uppsala og studert medisin. Av kommandanten i Jamtland oberstløytnant Matthias Drakenstjerna,<sup>52)</sup> som var ivrig alkemist, lærte Kempe "at exercere den chymiske Kunst", og fyrestod i seks aar Drakenstjernas kemiske laboratorium.

Kempe tok til med aa laga lækjemidlar, som han kurererte fyrst seg sjølv og sidan andre med; desse medikament,<sup>53)</sup> som han kalla "Nordstjernans frukter", vart høgt skatta og mykje brukt,<sup>54)</sup> og han utførte mange kurer, som lukkast vel. - Kempe hadde den meining, at universitetsundervisningi, som la all vekt paa filosofi og teologi, burde reformerast avdi ho var heilt teoretisk, og at den naturvitskaplege og medisinske undervisning burde grunnast paa empirisk gransking, burde gaa ut paa aa uppspora dei krefter som ligg i naturi. Han tok ordet for ei undervisning bygt paa røynsla og aaskoding, m.a.o. heilt moderne metodar. - Han freista aa finna ein naturleg medisin, og trudde aa ha oppdaga ein slik i gran-safti. Om dette emne skreiv han ei bok, "Den anatomerade granen", tileigna borgarmeister og raad i Trondheim - han hadde upphalde seg fleire aar i Noreg, - trykt i Hamburg 1675 (tysk utgaava 1688).<sup>55)</sup>

I samband med naturgranskingi vart han ført inn paa religiøse speulasjonar, som gjekk i mystisk-spiritualistisk retning. Av natur var han mystikar, - det framgaar av indre opplevingar som han hadde; han hev skildra dei i ei av sine siste skrifter,<sup>56)</sup> og paa mystikarvis kann han nøgja tidfesta dei. Det er med ei slik oppleving, at hans aandelege historie byrjar:

"Anno 1652 i december månad på tolfte dagen, då jag frisk och sund jämte min hustru gick till sängs, överföll mig vid midnatt en skräckkänsla. Stor bedrövelse omslöt min själ; frestaren sköt mycket skarpt med sina pilar. Jag fylldes av ångest och blev rädd, och jämmern invecklade mig liksom i ett nät. Ack, ack, ack och ve: skarpa gaddar såsom av brännande ormar beto min själ med stora plågor, som kommo den att darras; helvetets plågor stodo mig öppna; Satan blåste upp förtvivlan och sökte med all makt med sin jakt bringa mig i sitt fördärliga garn. Min ande uttorkades och andedräkten hade nästan upphört. Kroppen darrade som asplöv för vinden, och var på grund av ångesten vit som lärft. Jag såg mig om efter hjälp och tänkte på världens vanliga medel, dock allt förgäves. Jag anropade den Starke i Israel om hjälp, och åkallade den som evigt lever. Men se, han avhöll sig och dolde sig för min ängsliga röst. Jag lät bön följa på bön, dock allt fåfängt. Jag sjöng med tjock stämma

(enndan takt förstördes och andedräkten uttorkade), men fick inget svar. Jag höll dock ivrigt på med smärtfyllt ropande, dock under idel suckan. Men jag kände mig som en fisk på torra sanden. Jag låg, jag satte mig upp (men hemlighöll så mycket som möjligt min jämmer för min hustru, som hade knappt 14 dagar kvar til väntad förlösning). Jag steg upp, men mina ben darrade så, att de ej kunde bära mig. Varje ögonblick fruktade jag att bli uppslukad av helvetet, ty all tröst hade vikit ifrån mig; förtvivlan var mig så nära som möjligt. Då jag ville vända mig till Gud med gråt, se, då voro huvudets ådror tillstoppade. O vilken outhärdlig helvetespina, som bestormade min själ från alla sidor och likesom i ett nu ville göra slut på mitt liv! Min själ hävade och förskräcktes jämmerligen, men fann ingen plats att vila sina fötter på, utan var som Noaks duva vankelmodig. Mina fötter domnade av darringarna, och benen kunde ej mera bära mig. Jag måste åter uppsöka bädden och tänkte: nu ändas för dig detta liv, och se, du måste tröstlös fara ned i den grop, där intet vatten är.

Jag klappade dock oavlåtligen på den post, som heter min frälsares barmhärtighet, och bad min älskade att hjälpa mig sjunga Davids 23de psalm: Herren är min herde o.s.v. Och se, innan första versen var slutad, blev den tunga bördan, som nästan var tyngre än alla berg i världen, från mig tagen; mina ögon flödade som vattenådror, mitt hjärta blödde röda tårar, ja min törstande själ fick bete och friskt vatten tillfyllest. Min jämmer slocknade, min suckan var till ända, min förskräckelse upphörde, min mærg uppfriskades. Mitt sinne fornyades och upptändes, mitt samvete fick ro. Jag tackade den som evigt lever, och lovade att bättra mitt av köttsligt sinnelag bestämde liv."

Under krigen i 1657 lärte han fullkomen aa gjeva seg under Guds naadige forsyn og omsorg. - Hans aandelege utvikling førte honom seinare til aa gjeva upp krigstenesta, og han hadde daa ei ny mystisk oppleving, som han skildrar i fylgjande ord:

"Sedan jag nu avbördat mig det ledsamma krigsväsendet...och oavlätligt med iver betraktat den Heliga Skrift på samma gång som jag ägnade Gud min hjärtligt andäktiga suckan, lät han mig år 1665 i februari i sömnen höra den himmelske musiken såsom en stilla flytande ström, en ström som sakta rinner hän under jorden. Huruvida ej detta väckte fröjd i mitt sorgsna hjärta, därom låter jag envar, som i någon mån smakat den himmelska ljuvligheten, själv döma. Alla de ljuvligaste musikaliska instrument i världen äro mot denna änglamusik att akta som det dystraste mörker mot det klaraste solsken."

Under ivrigt studium av den Heilage Skrift utvikla Kempe egne meiningar i teologiske og kyrkjelege spursmaal. Det som gjorde honom

til kritiskar paa dette umraade, var - etter det han sjølv paastod - lesnaden i Luthers skrifter. Derved kom han til aa jamføra Luthers læra og liv med den daaverande lutherdommen. Men det som kom til aa øva djupaste aandelege innverknaden paa Kempe, jamvel for hans ytre livsvilkaar, var kjennskapen til den radikale tyske spiritualisten og kyrkjekritikaren Paul Felgenhauer, som vart hans store lærar.

Felgenhauer<sup>57)</sup> (Ca. 1600 - etter 1660) var presteson fraa Böhmen, og hadde sfudert teologi i Wittenberg og ved fleire andre høgskular, daa han tok til med si forfattarverksemd i 1619. Han vart fordriven fraa Böhmen, daa religionsforfylgjingane imot protestantane tok til, drog til Amsterdam, oppheldt seg sidan nær Bremen og fleire andre stader i Nordvesttyskland, sat ei tid i fengsel, og levde 1659 i Hamburg.

Felgenhauer var ein av fyregangarane til den radikale pietismen paa 1700talet. Han var jesosof og spiritualist, og rosa seg av guddomlege openberringar. Fromleik, audmykt og vid toleranse var hos honom paa ein merkeleg maate blanda med dei motsette eigenskapar: dømesjuke, stordomsmani og hatefull utolsemd imot annarleis-tenkjande, sovidt dei heldt seg til statskyrkja. Den ytre kristendomen var for honom Babel, som dei fromme burde gaa ut or. Dette galdt like mykje kalvinistar, lutheranar og romerske katolikar. Deira kyrkjer var avgudshus, deira prestar avgudstenarar, dei var fangne i høgferdig livnad og i augnelyst og kjøtslyst. Felgenhauer hadde det med aa finna aat protestantane for deira ueinskap og moralske forderving. Han vilde ikkje høyra til nokor kyrkja eller nokon sekt, ikkje hava noko aa gjera med dei fordervelege trudomsartiklane, men halda seg til Kristus aaleine, tru paa Bibelen, og halda det evige evangeliet - Kristi viådomspegel - fram for alle menneskje, ogso judar og tyrkar.

Folgenhauer hev gjeve ut 46 trykte skrifter, um mange ulike emne: um verdsdomen som han tenkte seg nær fyrestaaande, um fordervingi i kyrkja, um tusundaarsriket (han var chiliast), um trieiningslæra, um kristologien, um naademidlane. Fleire var svar paa stridsskriftene aat dei ortodokse; eit av dei var retta imot krigen.

I 1660 tok Anders Kempe (som hadde F.s skrifter) til aa innlata seg i "diskurser med de andelösa andliga" og "förehöll dem Skriften, att de ej drevo Kristi och hans apostlars sanna lära."<sup>58)</sup> Han fekk ord paa seg for, at "han både sjelf uti en villfarande religion stadder var, och hos andra hade sig utlätet att vilja ock flera draga till sig."<sup>59)</sup> Ryktet um dette naadde jamvel riksens høge herrar. Prosten Jakob Holst i Brunflo fekk i 1663 i oppdrag aa forhøyra Kempe.<sup>60)</sup> Det kom ikkje stort ut av det. Eit nytt forhøyr vart halde over Kempe av teologilektoren i Hernösand Johannes Vibonius,<sup>61)</sup> med liknande resultat.

Kempe vart daa kalla inn for konsistorium i Hernösand - Jamtland høyrde no under H. stift - og vart (1664 ?) forhøyrd under fyresæte av den fromme superintendenten Petrus Stenchi<sup>62)</sup>. Kempe vart skulda for aa hylla gamle og nye fordømte villfaringar, av "Sabellianer, Valenti<sup>ni-</sup>aner, Calvinianer, Mahymetister... Socinianer och Weigelianer."<sup>63)</sup> Forhøyrret galdt tri punkt, nemleg trieiningslæra, læra um Kristi person og atterløysingi, og læra um nattverden. Kempe hadde halde seg ifraa nattverd-sakramentet. Paa den eine sida fyrela dei honom trdomssymbolet med tilhøyrande prov fraa Skrifti, paa den andre Felgenhauers meining, og Kempe skulde gjera sitt val. Han vaaga ikkje vedgaa, at han var samd med Felgenhauer, og svara undvikande: "Säger ock Skriften således (som superintendenten hadde forklaara), så tror jag ock det." "Jag tror enfaldeligen som orden lyda." Men daa han vart spurt, um han ogso meinte, at Skrifti inneheldt den kyrkjelege læra, svara han ja. Til spursmaalet, om han af ett oppriktigt hjärta utan någon förborgad mening eller glossa alt detta haver bekant", var svaret: "Ja, jag står här inför Gud."

Desse forhøyr fekk ingi fylgja for Kempe, anna enn den aatvaring og formaning som laag i sjølve aksjonen. Men den verdslege øvrigheit fann, at kyrkja hadde teke saki for mildt. Kempe hadde motmänner, som forklaga honom hos guvernøren (over Westernorrland, Jamtland og Herjedalen), for aa vera "en Guds sanne ords föraktare och dess dyrkans förbrytare".<sup>64)</sup> Og guvernøren klaga til sjølve rikskanslaren, grev Magnus Gabriel de la Gardie, over den forarging som var utgaatt sovel fraa løytnant Kempe som fraa oberstløytnant Drakenstjerna. Rikskanslaren skal ha late falla dei merkelege ord, at konsistorium i Hernösand "skall en gång hårdt nog svara oss, att de det oväsändet ej hava allvarligen företagit".

Det synest ha vore desse klagemaal og serleg konflikten med presteskabet som fekk Kempe til aa taka den kyrkjefiendslege stilling som sidan sermerkte hans forfattarskap.

Av fleire grunnar<sup>65)</sup> raadde han seg no til aa bryta med krigarhandverket. Han søkte i 1664 um avskil fraa si militære stilling, vart tilboden aa verta forfremja til major, men heldt fast ved sin søknad og fekk avskil 1665.<sup>66)</sup> Ei hovudorsak til dette steg torde ha vore hans personlege religiøse overtyding, idet han likesom Felgenhauer fordømte krigen. Og no tona han ope flagg.

I 1664 drog han til Amsterdam og gav der ut tvo av Felgenhauers skrifter i prenten i svensk umsetjing: Probatorium theologicum (1664) og Perspicillum bellicum (1664); fyreordi til desse umsetjingar er dagsett Amsterdam 16. og 30. august 1664. I den fyrstnemnde av desse bøkene legg Felgenhauer fram si kristologiske læra og strider imot det ortodokse

dogme um Kristi tvo naturar. I etterskrifti gjev Kempe luft for sitt antiklerikale stridshumor: Av den sanne kristendom fann Kempe i sitt fedraland berre skuggen, ljoden og skalet, utan vesen og kraft. Orsaki var "de utvartes och köttsliga menniskjors stadgar, artiklar och ceremonier, hvilke strengeligen handhållas att efterleva". "Men den rätta vägen är tillstängder, ... ty hvar är nu en sann ånger över synderna, ... hvar ser man en sann bättring af efterföljande gärningar?" Preikorne aat prestane fann Kempe aandelause. Bokstaven og studeringane kann nok føda av seg mange herlege preikor, men skal me faa den Heilage Andes opplysning i den stundi me skal tala for andre, ðaa maa me føra eit slikt liv, nøgja oss med so lite aa leva av, og bli so forakta og forfylgde som apostlane og dei fyrste kyrkjelydane var. Kempe skuldar prestane for girugskap. I si tenesta gjer presten ingen ting som ikkje skal betalast med pengar: utan pengar kann ikkje noko barn verta døypt, ingi barnemor innleidast i kyrkja, ingen trulovast eller vigjast, ingen gaa til skrife og avløysing, ingen ðaud gravleggjast. Han manar difor si samtid til umvending og betring.

I den andre boki vendte Felgenhauer seg imot alle som forsvara krig, og la serskilt imot grunnane for at ein kristen kunde føra krig og med godt samvit gjera krigstenesta. Boki, som fyrst kom ut i 1652, fire aar etter trettiaarskrigen var slutt, var ein glødande protest mot krig. Felgenhauer forkastar alt som krig heiter, ogso krig til naudvern og til forsvar for fedralandet. Ein kristen bør ikkje gjera vaapentenesta eingong for dette formaal, for hans rette fedraland er ikkje paa jordi, men i himmelen. Men framfor alt stydjer Felgenhaver seg paa kjærleiksbodet. Lydnaden imot dette bod er provet paa trui; det er stridande mot trui og den sanne religion aa hata og drepa sin næste, - soleis ogso aa gripa til sverdet for aa forsvara trui.

Denne dom um krigen istemte Kempe. Og han tenkte ikkje berre paa krig millom nasjonane, men ogso paa all den strid der er millom stenderne i samfundet, og millom dei religiøse sektene. Fraa sitt individualistiske og dogmefrie standpunkt vendte Kempe seg imot det nasjonale og konfesjonelle skrytet, - det nasjonale skrytet ac vaapensigrar og utvida grensor, det kyrkjelege skrytet av aa eiga den rette tru og gudsyrding. Det var tvertimot so mykje i Sverige som ein ikkje hadde grunn til aa gledast over, av synder og moralsk forfall. I alt dette var prestane skuld, ved si avgudiske menneskjelera, sin umettelege girugskap, sitt uforsonlege hat, og sin forargelege livnad; dei forsvara krigen ved aa gjeva han ei religiøs glorie.

Kempe var ikkje utvist av Sverige, men var dregen ut av landet med sitt "pass och ärlige avsked".<sup>67)</sup> Han vendte likevel ikkje tilbake til fedralandet, men slo seg ned i Noreg.<sup>68)</sup> Hans hustru, som var ei



prestedotter fraa Hammerdal i Jamtland, hadde ei syster som var gift i Verdalen, med kapellanen der.<sup>69)</sup> Anders Kempe med si familie budde paa Heggstad i Verdalen fraa 1664 i fleire aar.<sup>70)</sup> - Etter han hadde slutta som militær, søkte han sitt livsupphald som "medicinæ practicus" og med "köphandel".<sup>71)</sup> Han vitja soleis Levanger marknad og gjorde fleire gonger marknadsferd inn i Jamtland.<sup>72)</sup>

Men her hadde han fiendar, m.a. futen Daniel Bertilsson, som forbanna seg paa, at Anders Kempe aldri meir skulde koma attende til Sverige og la arrest paa hans gard og fe i Jamtland. Med fyremøling av sin fyrre chef, oberstløytnant Drakenstjerna,<sup>73)</sup> vendte Kempe seg til guvernøren grev Carl Sparre, hans tidlegare general,<sup>74)</sup> for aa faa hjelp imot sine uvener, og sendte honom sin "Confession",<sup>75)</sup> som inneheldt hans læra um Kristus, heilt ut ihopsett av skriftcitater, og der han tilslutt vedkjende seg Guds ord i den Heilage Skrift som einaste "lærdom til salighet".<sup>76)</sup> Sparre fyrela "Confessionen" for provsten Holst i Brunflo, og bad honom med andre prestar døma um innhaldet. Prosten svara, at "om honom Kempen är således i hjärtat som pennan utförer, så have vi emot honom intet at säga."<sup>77)</sup> Dertil sa Sparre: "Det är icke rätt gjort, en redelig man således beklaga, eftertrakta och förfölja. Anders Kempe hade aldrig gått ur riket, om I icke varit hade; han kunde ännu göra sitt födernesland goda tjänster." Sparre gav arresten paa Kempes gods og gard laus og innbaud han til aa koma tilbake og gaa i tenesta for krona, men Kempe takka og avbøygde.<sup>78)</sup>

I millomtidi var hans skrifter blitt kjent i Sverige. Folk fann deim oppfylt av "en hop förargelige och alldeles olidelige lärdomar och maximer, som lätteligen de oförståndige och ovarsamme...til någre irring-er föra kunde", serleg daa ungdomen. - Regjeringi i Stockholm utferda difor 17. mai 1666 ein plakat til alle generalguvernørar i Sverige og Finnland med forbod mot boki "Perspicillum bellicum", som skulde etter-søkjast og konfiskerast. Daa ei ny sending av boki kom fraa Holland aaret etter, gjorde riksraadet eit nytt vedtak i same leid (19. nov. 1667): skiparen vart teken i forhøyr, og bokhandlarane maatte ikkje selja sine bøker fyrr katolog over dei var tedd Kongens bibliotekar. Alle innførte eksemplar sovel av Perspicillum bellicum som av Probatorium theologicum skulde samlast ihop og brennast. Atter eit vedtak vart gjort av riksraadet 31. mars 1671, at bøkene skulde oppsporast og brennast av bødelen. - Skriv i dette ærend vart (1666?) sendt til guvernøren over Westernorrland, Jamtland og Herjedalen grev Carl Sparre, og til superintendenten over Hernösands stift, som skulde paaleggja prestane aa "opforska och sedan utöda" Kempes skrifter.<sup>79)</sup> - Det vart no lyst fraa preikestolane og kunngjort paa tingi, at ingen under livsstraff maatte hava med hans lærdomar aa gjera.

"En Student,<sup>80)</sup> nemlig Hr. Olufs Søn i Ravens' Gjeld, som ikke alene mod Forbudet haver havt Kempes Bøger hos sig, men ogsaa skal have villet forføre Andre, er derfor bleven halshugget."<sup>81)</sup>

Anders Kempe, "den for en tid sedan bekante blasphemanten", reknast no for ein faarleg person, som det var ynskjelegt aa faa or vegen. Tvo svenske riksraad, som oppheldt seg i Norrland vinteren 1669-70, gav løynleg ordre um aa taka Kempe "vid huvudet", um han kom i landet. So skjede 1670, daa Kempe var i Jamtland; han sat fengsla i sju vikor under vakt av fire ryttarar dag og natt, utan aa faa vita kven hans klagarar var og kvifor han var klaga. Riksraadet vedtok aa lata Kempe halda i arrest til vidare, men innan dette var Kempe sleppt ut mot trygd; han akta seg vel for aa koma tilbake.<sup>82)</sup>

Kempe drog no atter til Amsterdam og let der prenta tvo bøker - umsetjingar til svensk av skrifter av Felgenhauer: "Harmonia fidei et religionis" (1671) og "Confession och trosbekennelse" (1671). Felgenhauers Confession umhandla dei tri lærepunkt um Gud, um Kristus og um den nye fødsel ut or Gud; som tillegg var uppteki Kempes eigi "trosbekennelse", dagsett Heggstad i Verdalen 26. januar 1666;<sup>83)</sup> boki var forsynt med ein "Dedication" av Kempe, forfatta i Verdalen 12. febr. 1671.<sup>84)</sup>

Av desse bøkene førte Kempe eindel eksemplar inn i Noreg, og sendte ogso ymse til Sverige.<sup>85)</sup> Men no fekk han med den norske øvrigheit aa gjera. I dei aar han hittil hadde livt i Noreg, hadde han i "private discurser"<sup>86)</sup> halde fram sine eigne meiningar, utan at nokon gjorde honom noko for det. Kempe hadde god granneumgang med soknepresten i Verdalen hr. Peder Erikssøn Juel (d. 1670).<sup>87)</sup> Men annarleids vart det under Juels etterfylgjar hr. Jens Christopherssøn Svaboe (1670-1687), Kempes svoger, gift med syster til Kempes hustru. For denne "Judas' broder" hadde Kempe og hans huslyd "aldrig nutet fred, rolighet och stillhet"; men presten "med sin Jesabel" hadde forfylgt honom og hans "på alla sätt han har kunnat".<sup>88)</sup> Kempe hadde ogso ein motmann i provsten over Innherad M. Raphael Matssøn Lund, sokneprest i Skogn. Han klaga sidan til prosten, at "I ifrå den tid jag först i Norge kom at bo, have låtet merkja, dock alltid på ryggen, men aldrig bröstganges, edert eftersitjande, emedan I mig efter gods, ära och liv traktat och strävat have, icke allenast för religionen skull, utan och för nationen."<sup>89)</sup> Me hev elles ikkje nærare kjennskap til kva Kempe siktar til.

Atterkomen fraa Amsterdam vart Kempe, for sine kjøttarske villfaringar skuld, utestengd fraa nattverden i Verdalen ved St. Hans tid 1672.<sup>90)</sup> Biskopen i Trondheim, M. Arnold de Fine, freista aa faa honom til aa kalla sine villfaringar tilbake, men korkje han eller andre geistlege var istand til aa overtyda Kempe med "samtaler og formaning-

er."<sup>91)</sup> - Rikskanslaren Ove Bjelke paa Austraat raade biskopen til aa lata Kempe i fred, etterdi ingen elles klaga over honom, men han tvertimot var nyttig for folk med sine "practicerede medicament".<sup>92)</sup>

Den strenge religions-einskapen, som var gjennomført under kampen imot kryptokalvinisme og kryptokatolisisme i fyrsten av 1600talet, stod framleides ved makt. Dei faa og smaa konsesjonar til framande religionsvedkjennarar, som var gjort i 1640-50-aari, var ikkje noko brot paa konfesjonstvangen, og i Noreg var dei tri religiøse fristaderne igjen avskaffa. I 1672 gjorde det nye Commerce-collegium framlegg um fri religionsøving i landet sovel for kristne av alle konfesjonar som for jødar. Men det vart burtlagt, etter remonstrasjon<sup>93)</sup> av Sjællands biskop Hans Vandal, som heldt fram, at det var kongens vilkaarlause plikt aa handhevja den rette gudsdyrking i sine rike.

I samband med denne konsolidering av religionseinskapen staar det, at Christian V ogso, 14. oktober 1672, presiserte dei eldre forbod mot kjættarske bøker, nærmare sagt: "bøger som udi tysk sprog skrevet ere og handler om fremmed religion eller andet som nogen tvistighed eller skrupel udi den rette Ausburgske Confessions tro og religion kunde eraktes at foraarsage."<sup>94)</sup> - Ein kunde etter dette ikkje lenger sjaa gjennom fingrar med at Kempe utbreidde umsette skrifter av Felgenhauer, der han òg kom fram med sine egne villfarande lærer.

Daa de Fine's ettermann biskop Erik Erikssøn Pontoppidan (den eldre) kom til Trondheim i 1673, gav han - i samhøve med forbodet av 23. jan. 1617 mot kjættarske bøker - alle provstar i bispedømet paalegg um aa ransaka um Kempes bøker fanst i deira provsti, og aa konfiskera dei so ingen kunde forførast av deira vranglærdomar. Dette førte ikkje til synderlegt resultat, for anten fekk Kempe sjølv bøkene igjen, eller folk vilde ikkje vera ved at dei hadde deim. Det var ikkje raad aa uppdriva meir enn eit eksemplar av kvar bok, og dei fekk biskopen.

Likesom konsistoriet i Hernösand hadde gjort, konstaterte ogso Pontoppidan, at Anders Kempes læra um trieiningi og um Kristi tvo naturar fall saman med fordømte villfaringar av kjættarar baade i gamlekyrkja og paa reformasjonstidi. Denne dom bygde Pontoppidan serleg paa Kempes utsegner i hans "trosbekennelse". "Herudaf klarligen og skinbarligen eragtes, at Anders Kjempe med Noëto, Sabellio, Samosateno og Serveto ublueligen fornægter den hellige Trefoldighed, de trende personer udi guddommen, og samtidig med Svenkfeldio de tvende naturer i Christo og Christi kjød at være et kreatur og at være vort kjød ligt og af lige substantia, - og at han tror og foregiver, at Christus er saaledes et himmelsk mennekke, at hans kjød er kommet af himmelen og ikke af Mariæ kjød og blod,<sup>95)</sup> og at Christus er bleven menneske og mennesker lig

μορῆ, ὁμοιώματι, σχήματι

, og ikke i og ved substantis og væsen, og vrangeligen udlægger Pauli ord, at han (Paulus) siger at Christus er kommen i det syndige kjøds skikkelse, Ἐν ὁμοιώματι σαρκὸς ἁμαρτίας, og (Kempe) mener at Christus er ikkun kommen i menneskeligt kjøds lignelse, ikke egentligen, og lod som han var et menneske, saa at hans ankomst i kjødet og fornædning skulde kun have været κατὰ δόκησιν, apparenter, og ikkun syntes saa at være, og i saa maade stemmer han med Saturnino,<sup>96)</sup> Cerdonianis,<sup>97)</sup> Leucippo,<sup>98)</sup> Marcione, Menmore, Manichæis, Valentinianis og andre saadanne kjættere.<sup>99)</sup> - Kempe hevda, at læra um Kristi tvo naturar ikkje fanst i den Heilage Skrift, men fyrst var uppkomi 100 aar eller meir etter Kræsti tid.<sup>100)</sup>

Biskopen oppstelte seks spursmaal, som vart fyrelagt Anders Kempe ved tvo prestar i Trondheim, hr. Oluf Christophersøn Tønder, sokneprest ved Vaar Frue kyrkja, ein høgvyrd, lærd og from mann, og hr. Nils Pederssøn Riberg, kapellan ved Domkyrkja. Kempe segjer um desse prestane, at dei alltid hadde vore hans vener, serleg hr. Oluf, som han fyrst vart kjend med daa han i 1657 var norsk feltprest i Jamtland.<sup>101)</sup>

Dei seks spursmaali gjekk ut paa fylgjande:

1. Hvorledes han, som er fød i Sverrig, hvor den rette religion christeligen øves, er bragt til saadanne vilde og vrangre tanker, og hvi han er undvigen af Sverrig og i Værdalen bosat siden 1664, omsider haver fordristet sig til at skrive saadan en fordømmelig bog, andre til forargelse her i vor arvekonges land, rige og gebet, og ladet den trykke i Holland og her i Norrig indført, efterdi hannem vel kunde være bevist, hvor christeligen og alvorligen...Danmarkes og Norriges konger have holdt over den rene, rette og uforfalskede religion". Dette framgaar av ordinansen, framandartiklane av 1569, recessen av 1643, og forordningane av 1617, 1655 og 1672.
2. "Om han udaf Guds aand og ord endnu vil lade sig sige og overtale:
  - 1) at der ere tre personer i guddommen,...
  - 2) at der ere tvende naturer i Christo, den guddommelige og den menneskelige,...
  - 3) at Christus er et sandt menneske, som haver paataget sig den menneskelige natur og kjød og blod i jomfru Mariæ liv af hendes substantis (og) kjød og blod..."
3. "Hvorledes han ved sin vrangre og vildfarende tro kan forsikre sig forløsning og salighed? Dersom Christus ikke havde været et sandt menneske, men ikkun ladet som han havde været kjød, og ikke egentligen og visseligen havde havt legem og sjæl, hvorudi han kunde lide; hvorledes kunde han da have lidt og udstaaet den lidelse og straf som vi

skulde have udstaaet?"

4. "Om han vil vemødeligen kjende, vederkjende og gjenkalde sin vrang og kjætterske mening, afbede Gud og hans kongelige majestæt sin grove forseelse og den kristne kirke sin forargelse og staa aabenbare skrift?"

5. "Om han vil anlove og sig tilforpligte at gjøre sin yderste flid til at opbringe og afskaffe alle de exemplarier af hans forargelige bøger, hvor de her i riget kunde findes, at de enfoldige, som ikke formedelt lørdom og øvelse have de forsøgte sind til forskjel imellem godt og ondt (Hebr. 5,14), deraf ei skulde forføres og forarges, - og at han ikke herefter vil tale og skrive imod den hellige trefoldighed eller Christi manddom og tvende naturer, og at han ikke vil forføre nogen til at antage hans syndige og kjætterske mening?"

6. "Om han uden skrymt vil antage og bekjende sig til disse artikler, som findes i den Ausburgiske confession (art. 1 om Gud, art. 3 om Guds Son), og udi konning Frederik den Andens...mandat (promandartiklane av 1569, art. 3 om Gud, art. 4 om Guds Son), og vil ved ed anlove sig hos dennem at ville forblive?"

Kempe bad um tid til aa tenkja over saki og tok skrifti<sup>102)</sup> aat biskopen med heim til Heggstad. Daa biskopen kort etter kom til Verdalen paa visitas, undersøkte han, um nokon der i kyrkjelyden hadde late seg forføra av Kempes kjættarske lærdom, men det fanst ingen. Biskopen formana alle til aa akta seg vel<sup>103)</sup> og tok Kempe personleg fyre seg. Kempe bad atter um umraadingstid, "men det lod sig anse, at han ikke vilde afstaa fra sin vilde og vrang mening." I sitt korte svar, dagsatt Trondheim 13. april 1674, gjekk Kempe ikkje inn paa dei einskilde spursmaali som var fyrelagt honom. Han heldt seg til Guds ord, ikkje det bokstavlege, men det levande, og skaut seg under Guds dom. Han vild ikkje taka paa seg aa forsvara Felgenhauer. "Allenast bliver jag vid min confession, dem svenskane 1666 övergiven".

Daa biskopen laut gjeva upp voni um aa faa Kempe paa andre tankar vendte han seg til stadhaldaren (Ulrik Frederik Gyldenløve) og vise-stadhaldaren; og etter deira tilraading paala biskopen prestane i Verdalen aa ekskommunisera Kempe i samhøve med Recessen.

Kempe kom kort etter til Trondheim og let seg merka med at han etla seg til Bergen, og vidare til Holland. Biskop Pontoppidan sendte no melding gjenom stadhaldarskapet til Kongen, og ved missive av 24. juli 1674<sup>104)</sup> til stadhaldar Gyldenløve forbaud Christian V under høgaste straff aa selja og lesa Kempes "meget ubluelige og kjætterske bog" "Dedication og Confession", forlangte alle eksemplar av boki innlevert til biskopane og innsendt til det kongelege kancelli, og landsforviste

forfattaren. "Endog derhos haver Du at lade ansige bemeldte forargelige kjetter Anders Kempe, at han inden trende solmærker fra den tid han derom bliver advaret, under livs straf vore riger og lande forlader og sig deraf udpakker".

Kongebrevet - som vart kunggjort paa tingi i Noreg<sup>105)</sup> - vart fyrelése for Anders Kempe daa han stod ferdug til aa gaa til skips i Bergen.<sup>106)</sup> Han drog til Hamburg og tok upp lækjarpraksis<sup>107)</sup> der. Hans medikament, som hadde vorte kjent i alle større byar i Noreg, vart no ogso vidt utbreidt i Tyskland,<sup>108)</sup> og han gav ut si fyrr nemnde bok um "den anatomerade granen".<sup>109)</sup> Daa krigen braut ut millom Sverige og Danmark-Noreg 1675, fekk han tilbød fyrst fraa dansk og so fraa svensk sida um høg militær stilling, men av slo det.<sup>110)</sup>

Sjølv um biskop Pontoppidan ved visitasen i Verdalen 1674 ikkje fann nokon som var forført av Kempe, hev Kempe ikkje sakna tilhengjarar. Han opplyser sjølv, at hans ringe person "i Trundhems län och hos någre i Bergen och Christiania bekant är", og at nokre av desse skreiv til honom og oppmoda han til aa forsvara seg.<sup>111)</sup> Kempe so gjorde i ei utførleg "Apologia" mot biskop Erik Pontoppidan 1677,<sup>112)</sup> der han stykke for stykke imøtegjekk Pontoppidans klageskrift av 1674. Og dinæst forfatta Kempe i 1680 ei beisk skrift imot sin motstandar provst Raphael Matzsøn (Lund) i Skogn,<sup>113)</sup> og retta i hans person eit kraftigt aatak imot presteskapet. Han granska fire spursmaal: "om eder kallelse är christelig och apostolisk", "om I Christi och apostlarnas lärdom och leverne föra och visa", "om det dragande herranamnet eder uti det andlige ståndet med rätta tillhörer", "om I leva med det underhåll som Christus och apostlarna tillagt och budit hava?" Han klandra hjaa prestane verdslegdomen og uaandelegskapen, havesjuken, fariseismen etc. og søkte aa paavisa korleis dei var vikne av ikkje berre fraa Kristus og apostlane, men ogso fraa Luther og reformatorane. - I kritikken over presteskapet rekna Kempe seg for aa staa paa same sida som Johann Arndt,<sup>114)</sup> Christian Hoburg,<sup>115)</sup> Heinrich Müller i Rostock,<sup>116)</sup> ein av fyrelauparane for pietismen. (1631-75), og Johann Lassenius (1636-92),<sup>117)</sup> prest ved den tyske Petri-kyrkja i Kjøpenhamn, namngjeten som fritalande og original predikant, umtykt som oppbyggingsforfattar. - Inkje av desse Kempes polemiske skrifter er blitt prenta.<sup>118)</sup>

Men etter biskop Pontoppidans død (1678) søkte Kempe i oktober 1679 personleg fyretrede for kong Christian V paa Pinneberg (i Holstein), og innleverte søknad um aa faa koma tilbake til sitt og njota sin fyrre fridom; men daa dei "andelege" i Kjøpenhamn ikkje kunde tilsteda det, vart søknaden avslaatt.<sup>119)</sup>

Kempe levde resten av si tid i utlandet. I 1684 vart han stads-

physicus i Buxtehude, ein liten by nord for Hamburg, i det daaverande svenske bispedøme Bremen, og han fekk ogso praktisera i dei nærliggjande amt som høyrde den fyrre svenske dronning Kristina til. Han budde mest i Hamburg og gav ut fleire skrifter paa tysk og svensk. I tvo av dei viste han seg som glødande svensk patriot, - han forsvara, trass i sin antimilitarisme, Sveriges rett imot dei danske overgrep og pretensjonar, (Die schwedische Standart erhöhet, 1683),<sup>120)</sup> og han søkte aa paavisa, at svensk var det språk, som var tala i Paradiset (Die Sprachen des Paradieses, 1688).<sup>121)</sup> I si siste skrift, Israels erfreuliche Botschaft, 1688, gav Kempe eit merkelegt uttrykk for sitt kyrkjefiendskap, ved aa profetera Israels nær fyrestaaande umvending og tilbakekomst til Kanaan og ævelege frelsa, men ruin og undergang for dei heidne og gud-lause kristne. Han uttala atter skarpe fordømningsdomar over statskyrkjorne med sine symbol, dekret og ceremoniar og sine kyrkjer som avguds-tempel, og han hellte sine vreideskaaler over teologar og kyrkjemenn som søkte aa sløkkja Anden med si lera um at Anden ikkje lenger verka umiddelbart, men berre gjennom visse midlar.<sup>122)</sup> Kempe vart verande spiritualist til det siste. - Denne bok tileigna han til den rike jødiske bankieren Manuel Texeira i Hamburg, dronning Kristinas økonomiske kommissær.<sup>123)</sup> Men jøden kjende seg genert over aa vera teken til skytspatron for ein svermar som Kempe og desavuerte honom ved aa melda honom til senatet i Hamburg; senatet utviste Kempe or byen, han flutte til Altona og døydde der 1689.<sup>124)</sup>

#### N o t e r .

- 1) Ehr.M. VIII, 302. Øverland V, 524.
- 2) Statholderskabets Extraktprotokol 1642-50.II, 264f.
- 3) Hans Berrum, Norges Post.Historie I, 30. Sth.Extr. II, 167.
- 4) NR X, 265-7.
- 5) Ehr.-M. V, 36-8. O. Nielsen, Kbh.Hist. V, 341-2.
- 6) Kbh.Dipl. III, 75-7.
- 7) N.KhS III, 226ff.
- 8) Nb. Kønekens ums. av John Higgins Amst. 1666.
- 9) s. 226.
- 10) s. 246.
- 11) Allg.D.Biogr. XLV, 533-5. Chr. L. Lange, Histoire de l'internationalism I, 486.
- 12) Ehr.-M. VIII, 302.
- 13) KhS 3.IV, 563.
- 14) KhS 3.III, 563.

- 15) jfr. DMag. 2.III, 91.
- 16) Th.T. I, 251.
- 17) St.Hallvard IV, 263-70.
- 18) nr. 286.293.
- 19) nr. 174.338.
- 20) nr. 354.
- 21) PRE<sup>3</sup> XV, 616.
- 22) \* nr. 361.
- 23) nr. 331.
- 24) nr. 63.
- 25) nr. 111.
- 26) nr. 348.
- 27) nr. 359.
- 28) nr. 404. Allg.D.Biogr. VIII, 189.
- 29) nr. 343.
- 30) Jacob Wöchmann. Josva Stechmann.
- 31) nr. 350.364.378.
- 32) nr. 413. Allg.D.Biogr. VIII, 278-9. PRE<sup>3</sup> VI, 23f. Elles hadde han Theod. Savonarola og Thomas a Kempis (nr. 348 ?), Hugo de Palma 349.
- 33) L. Daae, Gl.Chra.<sup>3</sup> 145. Collett, Gl.Chr.bill.<sup>2</sup> 138f.
- 34) nr. 372.
- 35) L. J. Moltesen, Fredrik Brekling, s. 70-76. L. Daae, Nordm. Ud- vandrings. Holland, s. 17-18.
- 36) s. 74 (Moltesen).
- 37) sms. s. 74.
- 38) Faye, Chrsands Stift, 255-7. Daae, Kvinesdal, s. 28-31.
- 39) Ehr.M. VI, 166. Ingerslev, Danmarks Læger og Lægevæsen I, 545-7. Berg.Hist.Fören.Skr. nr. 7, 1901, s. 3-4.
- 40) Norske Stiftelser III, 623.
- 41) Amsterdam 1685.
- 42) DBL II, 543-5. Pastor, Gesch.d.Päpste XIV, 985, jfr. 392.638.
- 43) KhS 3 VI, 563f.
- 44) um G.: Moltesen 37.
- 45) Bibl.Norv. III nr. 2727.2995.
- 46) Davids salmar. PRE<sup>3</sup> X, 433. XXI, 181.
- 47) Jfr. Ambr. Rhodius's bibliotek, nr. 349.
- 48) KhS 3.VI, 563.
- 49) Carl J. E. Hasselberg i Jämten 1921, s. 17-38. 1926, s. 71-78. 1927, s. 30-41, og Från ådalar och fjäll, Hernösands stifts julbok 8.årg. 1921. L. Daae, Nogle nye Bidrag til den norske Kirkes



- Historie, Drammen 1860, s. 36-46. H. Schüek, Ur gamla papper, 3.ter. Otto Norberg i Kyrklig tidskrift 1899, s. 193-8.
- 50) L 105.
- 51) Daa Frösö skanse maatte kapitulera for nordmennene i krigen 1657, slapp Kempe med naud og neppe undan med hustru og barn, og tilsette all sin eignedom, som han sidan faafengt freista aa faa tilbake.
- 52) Jämtten 1921, s. 9-17.
- 53) Elixis salutis, Balsamus microcosmi, Oleum magnesiæ, Pillulæ de Kempis, Pulveres minerales m.fl. Jämtten 1921, s. 34.
- 54) Jämtlandska studier, festskrift till Eric Festin 1928, s. 110.
- 55) Jämtten 1921, s. 32-34.
- 56) Israels erfreuliche Botschaft, Hamburg 1688; dette stykke umsett av Hasselberg i Jämtten 1926, s. 72-3.
- 57) Allg.D.Biogr. VIII, 278-9. KLN II, 896. Jämtten 1921, s. 18-19.
- 58) Jämtten 1926, s. 73.
- 59) Kyrklig Tidskrift 1899, s. 194.
- 60) Jämtten 1921, s. 20. L 27.
- 61) KT. 1899, s. 194. L 27.
- 62) jfr. L 27.
- 63) KT 1899, 195.
- 64) Jämtten 1921, s. 23.
- 65) jfr. L 89.
- 66) Jämtten 1921, s. 19. 1926, s. 73.
- 67) L 27.
- 68) Sitt pass fyreviste han for kommandanten i Trondheim, Reinhold von Hoven. L 27.
- 69) L 48-49. Erlandsen 357.
- 70) jfr. L 40.
- 71) L 89.
- 72) Jämtten 1921, s. 29-30.
- 73) 16.febr.1666, Jämtten 1921, s. 29<sup>4</sup>.
- 74) L 27.
- 75) Denne, som er innteken i L 83-88, er udatert, og forskjellig fraa hans Confession dat. Heggstad 26.jan.1666, Br. s. 2ff.
- 76) L 87.
- 77) L 88.
- 78) L 88-89.
- 79) Jämtten 1921, s. 31-32.
- 80) Johannes Olai Rahm, son til presten Olaus Claussøn Rahm i Rogunda (Ravunda) i Jamtland.

- 81) Daae 39. J.O.R. vart dømt til døden av Svea hovrätt og domen stadfesta av det svenske riksrådet 31/3 1671. Jämten 1921, s. 40-1.
- 82) Jämten 1921, s. 30-1.
- 83) Br. s. 2.
- 84) Br. s. 1.
- 85) Daae 39.
- 86) jfr. L 48.
- 87) L 48.
- 88) L 48-49.
- 89) L 107.
- 90) Br 33.
- 91) Br. 11.
- 92) L 24.
- 93) Remonstrasjonen, dat. 16.aug. 1672, referert av Helveg I, 477-79.
- 94) DK1 III nr. 499.
- 95) Same læra som M. Nils Svendssøn Chronich.
- 96) Gnostikaren Saturnilas.
- 97) Tilhengjarar av gnostikaren Kerdo.
- 98) Filosofen Leukippos (fyre Sokrates), grunnleggjar av den atomistiske materialisme.
- 99) Br 10-11.
- 100) Br. 1-2.
- 101) L 24.
- 102) Anklageakt mod Anders Kempe, Karen Brahes Bibl. i Odense, ms. 60 (Prof.Andr. Brandruds avskr).(Her citert: Br.)
- 103) jfr. L 40.
- 104) Daae, 44.
- 105) Hadeland-Land-Valdres tingbok 18, f. 40a: Granngard i Land 20/8 1674.
- 106) L 105. - Hasselberg, Jämten 1921, s. 35, gissar med urette paa, at Kempe var i Noreg enno i 1675.
- 107) Medicinæ Practicus. Titelbl. til Apologia mot bp. Pontoppidan 1677. Titelbl. til Die Schwedische Standart 1683.
- 108) Jämten 1921, s. 35,<sup>n.2.</sup>
- 109) Hamburg 1675, ib. s. 32.
- 110) ib. s. 34-5.
- 111) L 79.
- 112) Prof. E. Linderholms avskrift (citert L).
- 113) Prof. E. Linderholm avskrift.
- 114) L 81.90.

- 115) L 81.
- 116) L 90.
- 117) L 80.90.
- 118) jfr. L 104-5.
- 119) L 105.
- 120) Jämten 1927, s. 39-42.
- 121) Jämten 1921, s. 35-6.
- 122) Jämten 1926, s. 73-78.
- 123) Sveriges historia VII, 237.
- 124) KhS 3.III, 565. J. Mølleri *Cimbria literata* II, 406.  
KhS 5.I, 531-3.

## 9. Geistligheten som stand.

I millomalderen var den katolske kyrkja det fyrste standet i riket, med store privileg, eigne lover, og politisk makt. Ved reformasjonen i Danmark og Noreg gjekk privilegia og den politiske makti aat kyrkja tapt, og kyrkja vart ikkje lenger rekna millom riksstandi. Dette ser ein av det, at geistligheten ikkje lenger er nemnd ved sida av dei tri andre riksstand (adel, borgarar og bønder) i dei kongelege handfestningane for Christian III, Frederik II og Christian IV).<sup>1)</sup> Til kongehyllingi i Oslo 1548 var adel, kjøpstadsmenn, bønder og aalmuge ( - altso 3 stender - ) innkallt, men ikkje geistligheten.<sup>2)</sup>

Ved den neste norske kongehylling, i Oslo 1591, skjede det ei forandring i dette. Daa var geistligheten innkallt,<sup>3)</sup> nemleg alle superintendentar, 1 prælæt og 2 kanikar fraa kvart kapitel, provsten og 2 prestar fraa kvar skipreida.<sup>4)</sup> For provsti-presteskapet finst der fullmakter fraa 17 provsti for ialt 52 provstar og prestar, dei fleste fraa Oslo-Hamar stift. Naar presteskapet i landet elles var tunnt representert kom det vel av at dei laut bera reiseutgiftene sjølv. - Sidan vart geistligheten alltid innkallt til dei norske kongehyllingane i Oslo-Christiania (1610, 1648, 1656, 1661). Representasjonsmaaten var umlag den same heile tidi.<sup>5)</sup> Talet paa geistlege representantar var paa 1600-talet noko over eller under 90. Kongehyllingstinget i 1648 talde 712 utsendingar, dei fleste bønder; dei geistlege utgjorde daa 97.<sup>6)</sup>

Daa kongen fraa 1620aari trengte til aa auka statsinntektene, og difor turvte aa forhandla med riksstandi i Noreg um skatteløyvingane, daa tok ogso geistligheten plass i jamnbreidd med dei andre standi, anten det var paa samankallte standsmøte eller det var i direkte forhandlingar med dei einskilde standi.

Geistligheten er soleis sidan 1591 atter eit riksstand i Noreg og møter paa standsmøte ("stændernes forsamling", riksdag), dels med sjølvskrivne og dels med utvalde representantar. Geistligheten var ikkje no lenger, som i millomalderen, det fornemste av dei 4 stand, men tok romet næst etter adelen, som det 2dre standet i riket.

Ved reformasjonen hadde kyrkja mista dei viktigaste av dei store privileg, som gjorde henne til eit autonomt samfund jamsides med staten. Men det vil vera ei misforstaaing aa meina, at kyrkja vart plundra for alle sine privileg ved reformasjonen. Det var biskopane som privilegiereduksjonen gjekk ut over, - superintendentane hadde lite tilbake av den biskoppelege prestige. - Men kapitli fekk sine privileg stadfesta. Og for soknepresteskapet og deknane inneheldt kyrkjeordinansen 1537/39 uttrykkelig stadfesting paa dei same privileg som dei hadde havt i bispane si tid,<sup>7)</sup> - ein regel som vart uppteken i den norske kyrkjeordinansen av

1607;<sup>8)</sup> hermed er fyrst og fremst meint fridomen for aalmenne skattar, immunitet.<sup>9)</sup> Sjølv um stoda elles i det heile var ei onnor enn fyre reformasjonen, so var det ei trygd, at rettsstillingi aat den evangeliske geistlighet var uttrykkeleg fastsett i ei serleg lov, kyrkjeordinansen, og ikkje i nokor kgl. handfestning. Og til den uforanderlege del av ordinansen, Jesu Christi ordinans, hørde det, "at kirketjenerne, skolerne og fattige folk maa forsørges sin føde".<sup>10)</sup>

I handfestningane hadde dei katolske kongane lova aa verna den heilage kyrkja og hadde tilstaat henne ei rekkja spesielle privileg. Men med alt dette gjorde reformasjonskongen reint bord, - hans handfestning inneheldt av lovnader vedrørande kyrkja berre den aalmenne, um aa handheva og verna Guds heilage ord og læra. I Frederik II's handfestning 1559 vart det likevel, jamsides med denne aalmenne lovnaden uppteke ein serleg lovnad um, at kongen vilde syta for, "at alle sognekirker og skoler over begge riger blive besørget og forset med christelige fromme lærde menn og med nødtørftige og ærlige ophold og underholding", ifall det hittil ikkje var skjet.<sup>11)</sup> Dette var ei kongeleg stadfesting pædet nemnde uforanderlege stykke av kyrkjeordinansen. Og i denne utvida form vart religionsartikelen uppteken ogso i Christian IV's og Frederik III's handfestningar (1596, 1648).<sup>12)</sup> Han utgjorde det evangeliske motstykke til dei katolske kyrkjeprivileg.

I hundrad aar etter reformasjonen er det difor ikkje spursmaal um serlege privileg for geistligheten som stand. Adelen, det fyrste riksstandet, hadde sine privilegie-krav, borgarar og bønder hadde sine, men slike vart ikkje framsett av kyrkja. Det fyrste kyrkjelege privilegiekrav som vart framsett i Noreg i samband med kongeskifte, var ynskjet um stadfesting paa den evangeliske religion etter Bibelen og den Augsburgske konfesjon, ved Christian IV's hylling i Oslo 1591. Men det var adelen, ikkje kyrkja, som maalbar kravet, og den kongelege lovnaden i dette stykke vart innteken i adelsprivilegia, paa same vis som religionsartikelen i handfestningi.

Men tiderne medførte mange mindre og større brigde i dei ytre vilkaari aat prestane, ikkje alltid til det betre. I sin pengetrong maatte kongane oftare og oftare beda geistligheten um ekstraordinære friviljuge skattar, tilsist maatte dei geistlege taka paa seg ordinære aarlege kontribusjonar. Inkje under at dei òg laut tenkja paa fyremuner for sitt stand.<sup>13)</sup> Ved Frederik III's hylling i Christiania 1648 kom geistligheten likesom adelen - med sine serlege ynskje um standsprivileg. Der vart innlevert fire petisjonar, ein fraa bispar og provstar og presteskap,<sup>14)</sup> ein fraa bispane serskilt, ein fraa kapitli, og ein fraa Trondheims kapitel serskilt,<sup>15)</sup> -

lessutan ogso lokale og personlege petisjonar fraa prestar.

I fyrste rekkja staar det aalmenne kravet, at kongen vil handheva og forsvara den reine og rette Guds ords lærdom etter den Augsburgske confesjon av 1530<sup>16)</sup> - biskopane la ogso til framandartiklane av 1569, "at ikke indvaanerne skulde forstyrres i troens enighed,"<sup>17)</sup> m.a.o. at fri religionsutøving ikkje maatte eiga rom.<sup>18)</sup> Vidare at ordinansen og stiftsbøkene maatte gjelda og likeins alle privileg som var gjevne geistligheten av tidlegare kongar. Kongen nøgde seg her med ein lovnad i adelsprivilegia um aa "conservere" "den sande og rene religion" "efter den augsburgiske confession."<sup>19)</sup>

Dei spesielle geistlege privilegiekrav var uppstelt i ni punkt og var alle av økonomisk art.

1. At dei maatte njota tiende, offer og utferd og anna som fyrr,
2. At geistlegt gods ikkje maatte fraavendast ved ulikt byte eller kjøp eller paa andre maatar,
3. At innkoma maatte verta forbetra ved prestekall som var so ringe at ein prest ikkje kunde leva med sin huslyd; og at bønderne (overalt) maatte tilhaldast aa byggja prestegardane,
4. At det maatte skaffast preste-enkjør livsupphald, og skattefridom tilstaaast deim,
5. At den aarlege kontribusjon fraa prestane maatte nedsetjast, og at prestane atter maatte njota sin skattefridom (immunitet) etter ordinansen, sosnart riki atter kom i sin fyrre stand,
6. At forfallne kyrkjør maatte faa hjelp fraa andre kyrkjør som hadde raad,
7. At bispar, provstar og prestar maatte ha fri reisa til visitas og kyrkjetenestor, og serleg til "stendernes forsamling" i Christiania,
8. At prestar som festa seg ein avlsgard for aa forbetra sine inntekter, maatte njota den garden fri for skatt, og at dei maatte faa selja og kjøpa varor hjaa kven dei vilde i kjøpstaderne,
9. At bønderne maatte svara fiske- og fe-tiende etter ordinansen, og lakse tiende av laksefiske som dei leigde og tente store pengar paa.

Det einaste av desse kravi, som kongen gjekk inn paa, var det um presteenkjør. Etter aa ha høyrte superintendentane fastsette kongen (29. august 1648), at presteenkjørne i Noreg paa livstid skulde skattefritt aa njota som enkesæte den beste av dei gardane som høyrde til presteordet, næst etter prestegarden.<sup>20)</sup>

Kapitli ynskte stadfesting paa sine privileg, og dertil dei same fridomar som kapitli i Danmark, med den motivering, at dei norske kanikane "havde de samme embeder med samme besværing og ringere vilkaar end de danske."<sup>21)</sup> Kongen stadfesta deira privileg, som dei var (gjevne av

tidlegare kongar), men gjekk ikkje vidare.<sup>22)</sup>

Kapitli søkte ogso um, at dei tunge skattane maatte lettast, daa tilstandet blandt bønderne nordanfjells var mykje laakt.<sup>23)</sup> Der kom ein serleg søknad i same leid fraa sju deputerte Nordlandsprestar, - dei bad um nedsetjing i skattane, og um rett til tiende av sine soknefolk for Finnmarksfiske.<sup>24)</sup> - Kongen tilstod Nordlandsprestane halv skatt.<sup>25)</sup>

Eit samla privilegiedokument for geistligheten, slik som for adelen, er det ved dette høve ikkje tale um.

Standsskipnaden i riksstyringi hadde faatt utvikla seg serleg under Christian IV. Hans son og etterfylgjar Frederik III sikta paa det maal aa styrkja kongedømet, - gjera det arvelegt, og samla heile statsmakti i handi aat kongen.

Det var fyrst og fremst ovveldet aat riksrådet og adelen i Danmark, som fekk desse planane til aa mognast. Det som avgrensa kongemakti og batt hendene aat kongen, var framfor alt den sterke stilling som adelen og riksrådet hadde, og mest daa riksrådet. - Under Christian III og Frederik II og i fyrsten av Christian IV's regjering var riksrådet i det heile retteleg veikt i tilhøve til kongen.<sup>26)</sup> Dette var blitt annarleids paa 1600talet, adelsveldet var stige, og dermed ogso makti aat riksrådet, som gjekk ut einast fraa adelen.

I Noreg var tilhøvi andre. Her fanst ikkje lenger noko riksråd, adelen var faatalig, og var ikkje nokor samfundsmakt som formaadde aa taka det upp med kongen, enn si med Danmarks adel og riksråd. Geistligheten spelakorkje i Danmark eller i Noreg nokor større rolle blandt maktfaktorane i riket, - i den politiske vekstbaali vog meiningane aat kyrkjemennene ikkje synderleg.<sup>27)</sup>

Solenge kongefylgja i Danmark skjedde ved val av dei danske riksstandi (adel, borgarar og bønder), var kongen bunden av dei vilkaar som veljarane la paa han i handfestningi. Etter Christian IV's Norske Lov av 1604 skulde kongevalet i Danmark ogso avgjera kongefylgja i Noreg.<sup>28)</sup> Men i Noreg, som fraa gamalt hadde vore arverike, ikkje valrike, hadde kongen interesse av aa halda arverike-ideen levande, for aa nytta han til studnad for sin plan um aa innføra arveriket i Danmark. Ved Frederik III's hylling i Christiania 1648 kom det tydeleg til orde fraa tvo av dei norske riksstandi - geistlighet og borgarar,<sup>29)</sup> - at dei rekna Noreg for arverike, og det same skal vera blitt uttalt av den norske rikskanslaren, Jens Bjelke.<sup>30)</sup> Arveretten til Noreg vart i den fylgjande tid understreka paa ymse maatar og grunngjeven med politiske skrifter,<sup>31)</sup> serleg i samband med prins Christian (V)'s hylling i 1656, utan at arveretten enndaa vart offisielt fastslaatt.

Vendepunktet kom med freden etter dei tvo krigane med Sverige i slutten av 1650-aari. Krigane medførte store landetap, baade for Danmark og for Noreg, dei største i deira historie, og Danmark var beintfram undergangen nær, daa den svenske heren i 1659/60 laag utanfor Kjøpenhamns vollar. Freden i Kjøpenhamn 1660 kom som utfriing or ei stor naud: I Danmark var stormen paa hovudstaden slaatt tilbake og hersette land tekne att; i Noreg var Trondheims len attervunne, og ved Halden var dei svenske aatak brotna saman.

Frederik III forstod ypparleg aa nytta stemningi etter freden til fyremun for kongemakti. Kongen framfor nokon annan fekk æra for aa hava berga og trygda riki. I dei faarleige dagane under forsvaret av Kjøpenhamn hadde han vunne samhugen hjaa folket, og fortent han.<sup>32)</sup>

Sine raadgjevarar søkte kongen fraa denne tid ikkje fyrst og fremst blandt adelen, men mest hos menn av borgarleg ætt. Ein av dei var Sjællands biskop Hans Svane, som spela ei leidande rolle ved gjennomføringi av den nye statsskikk som no vart innført.

Paa den store standsforsamling for Danmark, som kongen samankallte etter freden for aa raadleggja um nye skattar, september 1660, gjekk geistligheten og borgarstandet saman i maalmedveten politisk opposisjon mot adelen. Hos dei lægre standi vekte adelen illvillje ved ovmodigt aa pukka paa sine standsprivileg, som ogso umfata skattefridom.<sup>33)</sup> Dei tok ei liknande stoda som biskopane i 1536. Og fylgja vart den same. Adelen vart sett ut av det politiske spelet. Dei tvo samansvorne standi vedtok aa tilbjaoda kongen Danmarks rike som arverike og aa overlata til honom sjølv aa skipa den lov som turvtest til riksstyring. Riksraadet vart tvunge til aa gaa med. Overdragingi av arveregjeringi til Frederik III med rett til forfatningsskiping skjede 13. oktober 1660. Handfestningi vart annullert og levert tilbake til kongen, og Frederik III hylla som arvekonge. Ved hyllingi (18. oktober 1660) lova kongen aa gjeva ei regjeringsform for "en christelig og mild regjering".

Hermed var "suvereniteten" - den øvste statsmakt - fullt og heilt gaatt over til kongen og hans ætt. Forandringi gjekk braatt for seg, uventa og ufyrebutt for dei fleste, og er kalla eit statskupp, ein revolusjon.

Eldre lover og standsprivileg var ikkje avtekne med dette. Det var eit vilkaar for overdragingi av arveregjeringi, at dei skulde staa ved lag. Det nye var at statsmakti skulde samlast paa ei hand og fylgja kongeætti. Dette skjede ved ein serleg, høgtideleg akt, som ikkje berre stadfeste det som var gjort, overdragingi av arveregjeringi, men ogso



utvida det, ved aa overdraga kongen alle majestætsrettigheiter og den absolute regjering. Kongen vart ikkje berre arveherre, men absolut suveren arveherre. Dette dokument - som sidan av Peter Schumacher (Griffenfeldt) er kalla "enevoldsarveregjeringsakten", - dagsett 10. januar 1661, vart sendt kring i landet og underskrive av Danmarks fire riksstand, - m.a.o. vedteke ved folkeavrøysting. Her gav standi avkall paa alt som streid imot den absolute regjering i Recessen (av 1643) og Ordinansen (av 1539). Etterpaa tilstod kongen dei ymse riksstand i Danmark serlege standsprivileg, - ogso geistligheten, 24. juni 1661. Riksraadet kvarv og vart avløyst av tvo nye institusjonar; den politiske makti aat raadet gjekk over til Statskollegiet (Consilium Status), som fyrste gong er nemnt 26. okt. 1660,<sup>34)</sup> den dømande til Høgsterett,<sup>35)</sup> som heldt sitt fyrste møte i mars 1661.

Før kyrkjestyringi vart det, etter framlegg av Hans Svane, som vart utnemnd til erkebiskop (29. oktober 1660),<sup>36)</sup> skipa eit Collegium consistoriale,<sup>37)</sup> med Svane sjølv som den fyrste president. Kollegiet skulde vera det øvste kyrkjelege regjerings-kollegium, og "deliberere om alt det som kan komme til Guds æres forfremmelse, akademiers, kirkers, skolers og hospitalers befordring, gudsfrygtigheds øvelse, samt forargelige og grove synders afskaffelse."<sup>38)</sup> Serleg skulde det ha til oppgaaava aa vaka over læra, aa vera kyrkjeleg høgsterett, og aa føra overtilsyn over kyrkjegodset. Grunntanken i planen for Konsistorialkollegiet er aa hevda sjølvstendet aat det geistlege standet, og aa halda adelen ute fraa all innblanding i styringi av geistlege saker.<sup>39)</sup>

Alt det som her er umtala, vart avgjort og iverksett i Danmark, fyrr der skjede nokor tilsvarande forandring i Noreg. Den kom i 1661. Ved ope brev av 16. november 1660 kunngjorde kongen for undersaattane av alle stender i Noregs rike, at Danmarks rikets stender friviljug hadde forandra valriket til arverike, og 18. desember 1660 innkallte kongen dei norske riksstandi til arvehylling i Christiania, og lova aa fyreleggja deim der si "vilje og mening", som dei so skulde forhandla og gjera vedtak um. Hyllingi vart utsett fleire gonger, og vart haldi 5. august 1661; Frederik III var hindra fraa aa koma og sendte tronfylgjaren prins Christian (V) i sin stad. I samband med hyllingi vedtok dei norske standi 7. august 1661 enevoldsarveregjeringsakten for Noreg, av tilsvarande innhald som den danske. Dei stadfesta for kong Frederik III og hans ætt arveretten til Noregs rike, med "alle jura majestatis, absolut regjering og alle regalia," og gav avkall paa alt som streid herimot i deira privileg, i landslovi (av 1604), Recessen (av 1643, der 3dje bok gjeld Noreg) og ordinansen (for Noreg, av 1607).

- I 1662 vedtok innbyggjarane paa Island og paa Færøyane statsforandringi.

Dagen etter at enevoldsarveregjeringsakten var underskriven i Christiania, innleverte ein del av den norske geistlighet, 8. august 1661, ein utførleg søknad i 28 postar um stadfesting paa og forbetring av dei geistlege privileg. Det er merkeleg at søknaden ikkje var underskriven av alle geistlege. Umlag halvparten heldt seg undan, - nemleg alle biskopane, 3 av dei 6 kanikane, 36 av dei 76 prestane. Suppliken samla 43 underskrifter: 3 kannikar og 40 prestar.<sup>40)</sup> - Kven som er forfattaren, er ukjent. Men det er ikkje usannsynlegt, at det er M. Christen Skjoldborg, kanik i Trondheim, for hans namn staar fremst millom underskriftene. Han var ein dansk mann, hadde vore med ved Kjøpenhamns forsvar mot svenskane som auditor ved det norske kompani, og hadde daa ført i pennen ein merkeleg søknad til kongen fraa nordmennene, som m.a. bad um at nokre professorat ved universitetet maatte bli reservert for deira landsmenn. Dette vart teke honom unaadigt upp, men etter avbikt vart han utnemnd til lector theologiae i Trondheim. - Søknaden fraa presteskapet ved arvehyllingi let utsendingane fraa Trondheims kapitel setja inn i kapitelsboki, under biskop Bredals protest.<sup>41)</sup>

Suppliken gjekk fyrst ut paa aa faa kongen til aa stadfesta jordegods, tiende og alle andre rettigheter for geistligheten,<sup>42)</sup> aa fornya privilegia, ordinansen, recessen, statutt (for kapitli) og stiftsbøkene, og aa jamstella den norske geistligheten med den danske med umsyn paa skattar av embetsinntekter.

Men dinæst<sup>43)</sup> vart det framsett tvo ynskje, som tydeleg nok var inspirert av dei forandringar som nyleg var gjort i kyrkjestyringi i Danmark. Det eine var, at geistligheten i Noreg maatte faa hava same patron (fyretalsmann) eller patronar hjaa kongen som den danske geistlighet, - kannhenda det dermed var tenkt paa erkebiskop Hans Svane. Det andre ynskje hekk saman med krav som var framme under arvehyllingi um aa faa innretta eigne regjeringskollegia i Noreg,<sup>44)</sup> og gjekk ut paa at ifall det her i riket vart skipa nokre slike kollegia, "som Status, Justitiæ eller Consistoriale", maatte det i dei verta uppteke nokre geistlege medlemmer som kunde gjeva underretning og raad vedrørande skattepaalegg og lovforandringar. So var tilfelle i dei tilsvarande tri kollegia i Kjøpenhamn, erkebiskop Hans Svane var medlem av deim alle.

Galdt desse kravi og andre<sup>45)</sup> jamstelling millom dei tvo nasjonane, so gjekk eit anna krav ut paa aa trygda norske embete for nordmenn: at "dette riges undersaatte og deres børn" maatte vera "recommenderet og anbefalet til geistlige og verdslige bestillingers promotion og be-

fordring fremfor alle ligesaavel som andre udlændiske."46) Det var lenge sidan det var slaatt paa nasjonale strenger paa dette umraade. Innfødsretten hørde historia til i Noreg no.

Ymse artiklar i suppliken gjeld visse sidor av kyrkjeordningi. At prestar som er kalla av kongen, likesovel som andre, maa verta framstelt for kyrkjelyden og kallet offentleg kunngjort, og at prestekalling elles maa verta haldi etter recessen og ordinansen utan innblanding av futar, lensmenn eller andre.47)

At prest som for falsk rettsleg klage skuld vert suspendert fraa embetet, maa staa under kongens forsvar til rettssaki er paadømt, daa han elles "uden stor viderværdighed og paavaagelse neppelig (med mindre ligesom Gud hannem miraculens viis redder) han udi sin retfærdig sag komme til rette", og at hans forklagarar maa verta dess strengare straffa, naar han hev ei god sak.48)

At presten maa faa utskrift av domar paa tinge i saker som vedrører kyrkjedisiplinen - hor, manndrap, meineid, lauslivnad i forbødne leder.49)

At der maa haldast einskap i baae rike "udi kirkernes disciplin og tjeneste, børnelæsning og visitation."50)

At kyrkjerne maa setjast istand, og faa hjelp av andre kyrkjer um det trengst.51)

At dei gode forordningane um "de fattiges huse og forsørgelse" maa verta haldne, og kvar bygd syta for sine fattige, "tryglere, tyve og skjelme dermed at afvende."52)

Dei fleste postar i suppliken gjeld økonomiske interessor. At kanikar og prestar maatte njota inntekter, gods, rettigheiter m.v. til embeti med same vilkaar som i Danmark, - at inntektene til ringe kall maa forbeholdast, - at korntienden maa svarast og delast paa einsarta og regelbunden maate (etter dansk fyrebilæte), og at tiende maa svarast av fe og annan avl.53)

At dei geistlege sjølv maa samtykkja i bruk av sine skogar, og at geistlege skogar som vert uthogne til bergverk, maa verta verdsett og gjeve vederlag for.54)

At geistlege etter avtale maa kunna taka andre varor i landskyld enn dei fastsette, og at geistlege maa kunna selja og kaupa sine varor i hamnar og kaupstader med kven dei vil.55)

At geistlege som hev hjelpt kongen i krigen (med laan), maa faa forsikring (pant) i krongods, og fyrerrett til aa vinna godset med odel.56)

At um geistleg mann legg seg til formoga ved arv eller giftarmaal og han set pengane i bruk eller kompani (bergverk, sagbruk, fiskeri, spansk eller andre kompani "eller andre eventyrer") eller han laaner dei ut paa rente eller han kauper jordegods for deim, at han daa maa njota dette gods - som han læt andre styra for seg - "uden nogen ank...som

nogen anden standsperson."57)

At skatterne ikkje maa aukast, og falla burt naar det vert kravt rosstenesta.58)

At tenestedrengene aat dei geistlege maa vera fri for militær utskrivning.59)

At kongen vil løyva prestane ein avlsgard kvar skattefri "med tjenestedrengenes forskaansel".60)

At kanikar som ikkje fyrr hev faatt avlsgardar av kongen, maa faa det, nær byen.61)

At husi aat geistlege i kjøpstaderne maa vera skattefrie.62)

At prestane paa grunn av sin hospitalitet imot "gjest og gaaende mann" maa fritakast for aksise og toll av etande og drikkande framand vare sovelsom av eigen avl.63)

At dei geistlege maa njota fri skjuss paa embetsreisor og til standsmøte.64)

At provstane av umsyn til sine mange og brydsame forretningar og embetsreisor maa vera fri for ordinær aarleg skatt, eller faa betre godtgjersla av kyrkjorne og fri skyss.65)

At prestane eller deira fullmektige skal vera tilstades ved arveskifte etter deira landbønder for aa hindra at det skjer dei umyndige urett.66)

At um det ikkje finst høvelege gardar av prestebordsgodset, maa enkesæte verta utlagt av krongods eller anna geistlegt eller kyrkjegods.67)

At ogso presteenkja maa faa eit vederlagsaar av ettermannen for utlogor til (dei militære) magasin.68)

Og endeleg det u-uppslitelege ynskje: at deknegard maa leggjast ut der det ingen er.69)

- Suppliken førte ikkje til noko. Det var ikkje aa venta, naar ikkje alle vilde vera med. - Orsaki til at biskopane heldt seg tilbake, er ukjent. Samanhengen torde vera, at dei var betre instruert um situasjonen enn forfattarane av suppliken. Tilstades ved arvehyllingi i Christiania var nemleg erkebiskop Hans Svane, ein av hovudmennene for statskupet i 1660. Han hev fullt ut kunna forklaara, at det som skjede ved statsforandringi, galdt ikkje berre godkjenning av arveretten, men ogso overdraging av ~~arveretten~~ suvereniteten. Det kunde daa søma seg betre aa syna underordning og lojalitet enn aa leggja fram ei lang rekkja privilegiekrav.70)

Og det so mykje meir som einvolds-kongen alt fyre hyllingi i Christiania, etter søknad fraa adel, geistlighet og borgarstand i Danmark,71) hadde tilstaatt dei tri standi kvar sine privileg, 24. juni 1661,72) deriblandt ogso "dend Geistlige Stand især". Etter opphav og

innhald var desse privileg etla til dei danske standi. Men der vart ikkje utferda tilsvarande privileg for dei tri norske standi. Berre kjøpstaderne i Noreg fekk eigne privileg, 30. juli 1662, men ikkje adelen og geistligheten i Noreg. Det var kanskje Frederik III's tanke, at desse tvo stand skulde nøgja seg med dei danske privileg. Hans ettermann Christian V utvida dei til Noreg: han løyvde adelen i Noreg dei same privileg og fridomar som adelen i Danmark (12. mars 1673).<sup>73)</sup> Og han konfirmerte og utvida privilegia for geistligheten som gjeldande dei geistlege baade i Danmark og Noreg (15. desember 1670).<sup>74)</sup> Dei geistlege privileg vart sidan stadfesta av dei fylgjande einvaldskongane<sup>75)</sup> og hev soleis vorte grunnleggjande for stillingi aat det geistlege stand under den nye statsskipnaden.

Den leidande tanken i dei geistlege privileg fraa 1661 er i ein viss grad den, aa trygda sjølvstendet aat geistligheten, serskilt i tilhøve til adelen og dei verdslege embetsmenn. - Dette kjem til orde i art. 1: at det som kongen heretter vil ha utretta hos geistligheten, skal forrettast ved biskopane og serskilt hos kvar i sitt stift etter kongens eigen ordre, og ikkje ved dei kongelege lensmenn eller deira fullmektige,<sup>76)</sup> - ein regel som atter hevda mynja aat biskopane og gjekk framum dei adelege lensmenn som representantar for kongen i kyrkjelege saker. - Aa taka kallsretten til presteembete fraa adelen var det ikkje tale um, ei heller aa paaleggja adelen tiendeplikt. Men kongen avgrensa kallsretten i det heile til slike som anten hadde eller heretter fekk jus patronatus ved privilegium av kongen,<sup>77)</sup> og dermed fall umstridd adeleg kallsrett burt. Og der skulde framleides kvila full tiendeplikt paa bondegardar som vart slaatt saman med (adelege) avls- eller sætegardar.<sup>78)</sup> - Ein viktig ny regel var, at geistlege skifte skulde fyrehavast av geistlege skifteforvaltarar, provsten og tvo prestar,<sup>79)</sup> ikkje av verdslege embetsmenn.

Vidare vart prestane trygda retten til sine prestegardar, anneksgardar og det tilhøyrande mensalgodset.<sup>80)</sup> - Dei skulde faa løyve til aa kaupa prestegardshusi, etter takst; og ettermannen skulde innløysa husi fraa arvingane, med tillegg for paakostnad.<sup>81)</sup> Dette løyvet vart snart umgjort til plikt og vart ei stor byrda for prestane i Danmark. I Noreg kom regelen ikkje til aa verta praktisert. - Elles fekk prestane andre fyremuner: Dei skulde sleppa for militær innkvartering.<sup>82)</sup> Dei kunde faa taka imot betaling for likpreikot paa landet.<sup>83)</sup> Kongen lova aa betra embetsinntektene ved altfor ringe kall.<sup>84)</sup> Dei harde straf far som var fyreskrivne for visse ringe misferder i embetet, vilde kongen milda etter tilhøvi.<sup>85)</sup> Bøter i geistlege saker skulde tilfalla presteenkjor.<sup>86)</sup> - For sætedeknar paa landet skulde det utvisast "boliger...at de derudi kan holde skole til ungdommens undervisning og lære."<sup>87)</sup>

Kongen trygda kyrkjorne retten til deira eigen tiende<sup>88)</sup> og lova aa hjelpa naudlidande kyrkjebygnader.<sup>89)</sup>

Desse privileg supplerte Christian V med fylgjande: der skulde svarast tiende til prest og kyrkja ogso av burtleigd øydejord; prestane skulde ha fri bruk av prestegardsskogane; ogso legermaalsbøter av tenestefolk i prestegardane skulde tilfalla presteenkjerne; det skulde sytast for verjemaal for etterleivde umyndige presteborn; alle som gjekk til skrifte og altars, skulde vera forplikta under straff til aa yta høgtidsoffer paa dei tri store høgtidene. Og dei geistlege skulde njota sine eldre immunitetar og fridomar.

### N o t e r .

- 1) 1536, 1559, 1596.
- 2) NR I, 97.
- 3) Johnsens funderingar, De norske ständer, s. 114 jfr. s. 35, um geistl. i 1591 er rekna som eige riksstand, er utan grunn, daa dei byggjer paa ein mangelfull tekst, sjaa Skrede s. 193.
- 4) Johnsen, Aktst. I, 39.
- 5) I 1648 berre 2 representantar fraa kvart kapitel.
- 6) 3 grupper: sup. kap. provstar og prestar.
- 7) DK1 I, 98.
- 8) f. 34 v.
- 9) Lat. KO. s. 42.
- 10) DK1 I, 42.
- 11) DGA. II, 95-6.
- 12) DGA. II, 103.112.
- 13) NB. bispane kravde ved kongevalet i Danmark 1648 fridomar og rettar for prestestandet. Rosenberg III, 289.
- 14) Heffermehl 180-7.
- 15) Hist.T. I, 49-51.
- 16) Heffermehl 181.
- 17) Heffermehl 71.
- 18) Johnsen s. 261, tekst l. 9 f.n., maa ha utegløynt ikke: "at der (ikke) maatte..."
- 19) NR IX, 151.
- 20) NR IX, 113.
- 21) Heffermehl 70-71.
- 22) NR IX, 79.88-9.
- 23) Hist.T. I, 50.
- 24) Hist.T. I, 50.
- 25) NR IX, 149.

- 26) Johnsen, de norske stænder, s. 9.
- 27) Danm. R. Hist. IV, 330.
- 28) Tingfarebolken k. 10 (??)
- 29) Johnsen, Stænder s. 262.
- 30) s. 254.
- 31) s. 285ff.
- 32) Danm. R. Hist. IV, 434.
- 33) s. 440.
- 34) J. Lindbæk, Statskoll. hist. II, 641.
- 35) = Justitscollegiet (Hist. Cal. I, 274).
- 36) Hist. Calender I, 274.
- 37) ib. 278.
- 38) Helveg I, 444.
- 39) 444-5.
- 40) N.Teol.T. 1911, s. 367-70.
- 41) Daae 112.
- 42) § 1.
- 43) § 2, 3.
- 44) jfr. Medd. NRA. I, 29.
- 45) 5, 4.
- 46) § 18.
- 47) § 17.
- 48) § 19.
- 49) § 27.
- 50) § 4.
- 51) § 21.
- 52) § 22.
- 53) § 5.
- 54) § 7.
- 55) § 10.
- 56) § 12.
- 57) § 11.
- 58) § 9.
- 59) § 6.
- 60) § 15.
- 61) § 24.
- 62) § 26.
- 63) § 23.
- 64) § 8.
- 65) § 13.
- 66) § 25.
- 67) § 14.
- 68) § 28.

- 69) § 16.
- 70) Dansk Heffermehls resonnement s. 77f. um dei daarlege tider synest ikkje aa slaa til.
- 71) Dansk Hist.T. 5. VI, 777, jfr. 793-4.
- 72) Fogtman, Rescr. I, 38-50. Geistl. Privil. ogsø DKl. III nr. 431.
- 73) Wessel-Berg, Rescripter I, 86.
- 74) DKl III nr. 490.
- 75) Frederik IV 15. febr. 1701. Frederik V 1748. Hofmans Fundationer VIII.556 -
- 76) art. 1.
- 77) art. 3.
- 78) art. 2.
- 79) art.11.
- 80) art. 5.
- 81) art. 4.
- 82) art. 13.
- 83) art. 12.
- 84) art. 9.
- 85) art. 6.
- 86) art. 7.
- 87) art. 8.
- 88) art. 9.
- 89) art. 10.



## 10. Eineveldet og kyrkja.

I reformasjonshundradaaret og paa 1600-talet kann ein i Danmark og Noreg ikkje tala um kyrkja og stat<sup>1</sup> som tvo serlege samfund. Kyrkja og stat var ei eina - dei var ikkje anna enn tvo sidor av same sak. Den millomalderlege tanken um nenneskesamfundet som unum corpus christianum var framleides levande og var grunnleggjande for syni paa samfundslivet. Dette eine kristne samfund var styrt av tvo sideordna makter i gjensidigt samarbeid - regnum og sacerdotium. Baae var guddomlege ordningar. Staten sovelsom kyrkja var skipa av Gud.

Den lutherske reformasjonen innførte ingen ny takegang.<sup>2</sup> Det kristne samfund var framleides eitt, - men med tvo slags øvrigheit: kyrkjeleg i aandelige ting, verdsleg i utvortes ting. Landsherren syter for vern og velferd i verdslege ting, og han hev den turvande omsorg for Guds ord, at det kann have sitt rom, - han vernar religionen. Den verdslege øvrigheit er ikkje herskar over kyrkja - ho er præcipuum membrum ecclesie, og hev den oppgaaavaa vera custos utriusque tabule.

Det var ulike tankar um kor vidt landsherre-plikti og -makti i kyrkjelege saker gjekk. Paa 1500-talet var det ikkje utforma nokon regel, eller nokon teori. Bispemakti var avskipa, med det var ikkje sagt noko um, kven ho skulde gaa over til. Heller ikkje ved religionsfreden i Passau 1552 og Augsburg 1555 skjede det. Freden fastslo prinsippet "cujus regio, eius religio" - d.e. at fyrsten og folket fylgjest i religionen. Av dette vart det avleidd ei godkjenning av det staaande rettstilstand - og fleire tyske kyrkjeordningar paaropte seg denne fredsslutning som grunngeving for, at det evangeliske kyrkjeregiment var ein landsherrerett, og at landsherrane var arvingar til biskopane i deira biskopelege rett. Men verdsleg og kyrkjeleg makt reknast, no som fyrr i kanonisk rett, for tvo serlege forskjellige makter, og den biskopelege makt reknast for aa vera overdregi til innehavaren av den verdslege makt etter avtale eller overeinskomst.

Fyrst paa 1600talet utvikla brødrane Stephani, professorar ved universitetet i Greifswald, ein serleg teori<sup>3</sup> - episkopalteorien (namnet brukt fyrst 1783) - vedrørande denne sak: Den biskopelge makt er berre tiltrutt gods, som fyrstane skal ha inntil vidare, d.v.s. til kyrkjeenskapen atter kann koma i stand. (Devolusjonsteorien). Men den verdslege øvrigheit kann ikkje utøva si biskope-

lege makt gjennom verdslege embetsmenn, men gjer det gjennom serlege kyrkjelege embete - ordinasjon og visitasjon gjennom superintendenten, jurisdiksjon og administrasjon gjennom konsistoria.

Teorien, som var bygd baade paa retten i det tyske rike og paa den kanoniske rett, vart uppteken og vidare utvikla av tyske teologar som Johann Gerhard (1619) og Conrad Dannhauer og juristar som Theodor Reinkingk (1619) og Benedikt Cavpsov (1649). Men desse seinare lærarar gav teorien den vending, at kyrkjestyreretten var ein del av den guddomelege retten aat landsfyrsten; den kyrkjestyrerett som var overdrege landsfyrstane ved religionsfreden i Augsburg var ikkje anna enn ein gamall fraakomen rett som dei no fekk tilbake, utvida med ny rett. (Restitusjonsteorien)<sup>4</sup>.

Ved den westfalske freden 1648 etter Trettiaarskrigen vart det territoriale religionsprinsipp fraa Augsburgfreden fastslaatt og presisert<sup>5</sup>, og i samband dermed sovel den landsherrelege reformasjonsrett ( jus reformandi exercitium religionis)<sup>6</sup> som det landsherrelege kyrkjeregiment over evangeliske undersaattar<sup>7</sup>. Um dette siste punkt hadde dei evangeliske uttala . fylgjande i ei felles fraasegn 1645: "dass die Bestellung und Anordnung des publici exercitii religionis, Kirchenordnung und Ceremonien, und was den ferner anhängig, immediate von dem jure territoriali dependiere", og at "die cura religionis und derselben Bestellung dem domino<sub>r</sub> territorii gebühre". - Fredsdokumentet sjølv uttala, at denne kykjemakti, etter vanleg praksis over heile riket, tilkom landsherren "cum jure territorii et superioritatis"<sup>8</sup>. - Kyrkjeregimentet er soleis ein funksjon av landsherredømet. Denne ordning kviler framleides paa den gamle religiøse oppfatning, at landsherren var custos primæ tabulæ.

Ein viktig led i den evangeliske oppfatning av tilhøvet millom verdsleg og kyrkjeleg makt er læra<sup>9</sup> um dei tri samfundsstandi - status hierarchicus triplex: status oeconomicus, status politicus, status ecclesiasticus. - husfaderstandet, styrarstandet og lærarstandet. <sup>A</sup>vart av desse stand maa godkjenna og heidra den guddomelege fullmakt som kvar av dei andre hev. Og kvart stand hev si plikt og sin rett i kyrkja. Husfedrane hev familie-sjelesorg og rett til aktiv medlemskap i kyrkjelyden. Dei geistlige hev rett og plikt til aa øva sjelesorg for kyrkjelyden. Den verdslege øvrigheit hev rett til aa skipa menneskelege ordningar ogso i kyrkja - slike som ikkje strider imot dei guddomelege -, og hev plikt til aa halda uppe blandt undersaattana all guddomleg

fastsett ordning. Fyrst og fremst daa dei ti bodord (*custodia utriusque tabulæ*), og dinøst serleg etter den fyrste tavla, aa syta for at all uriktig gudstenesta vert haldi ute or landet og Gud Herren dyrka paa rette maaten.

Desse tri stand var jamstelte. Men alt hos Johann Gerhard finn me den læra, at stats-og rettsordning til sjuande og sist er til berre for frelse ordningi skuld, og at forsovidt er kyrkjeregimentet underordna under læreembetet. Daa so landsregjeringane tok til aa svikta i verni um den reine læra, ut gjenom 1600talet, vart systemet skjerpt i den leid at lærestandet aaleine hev rett til aa fella læredomar, og at kyrkjeregimentet er bunde ti desse avgjerslor, m.a.o. *magistratus politicus* hev potestas externa, *ministerium ecclesiasticum* potestas interna. Husfaderstandet hev derimot aldri sjølvstendig makt i kyrkjelege ting, men berre indirekte gjenom det regjerande standet<sup>10</sup>.

Læra um dei tri standi er ogso vel kjent i Danmark og Noreg - i oppbyggjelege og populære skrifter fraa 2dre helvti av 1600talet er det jamnan tale um "lærestand, værjestand, nærestand"<sup>11</sup>. Men ho synest ikkje spela nokor rolle i dei teologiske system - ho finst i alle fall ikkje hos Jesper Brochmand (1633)<sup>12</sup>. - Ein finn heller ikkje hjaa honom - eller andre - den tyske episkopalteorien um kyrkjeregimentet. Denne teorien hadde sin serlege historiske bakgrunn i dei politiske og konfesjonelle vilkaar i det tyske riket. I Danmark og Noreg hadde tilhøvi utvikla seg heilt annarleids - her fanst ikkje konfesjonelle motsetnader, her var ingi politisk kløving. Den tankegang Brochmand framsteller i sitt dogmatiske system, hev til næraste historiske fyresetnad det kyrkjelege tilstandet i dei tvo sambundne rike.

Det hev sin store interesse<sup>13</sup> aa gjera seg kjent med Brochmands læra um *magistratus* og *ministerium* og deira innbyrdes tilhøve<sup>14</sup>.

*Magistratus politicus* - segjer Brochmand er innstifta av Gud sjølv. Han provar det med Skrifti; øvrigheiti kallast gudar og englar i Bibelen; Gud paalegg oss aa lyda øvrigheiti og straffar dei som ikkje gjer det.

Gud hev væpna den verdslege øvrigheit med sverdet, for at ho skal vera vaktar for baase taylor, til støkk for dei som gjer vondt,

til ros for dei som gjer godt. - Staten hev rett til aa gjeva lover, men dei maa ikkje innehalda noko urettferdig eller umogelegt, eller noko som ikkje siktar paa det private og offentlege beste, eller noko som ikkje fremjar sann tru og gudsyrding. - Lovene aat øvrigheiti forpliktar samvitet, so dei som overtred deim, syndar mot Gud og sitt samvit.

I fleire stykke i si læra um øvrigheiti tek Brochmand avstand fraa sektene: anabatistar og socinianar.

Øvrigheiti hev rett til aa føra krig, for ein rettferdig krig strid korkje mot den naturlege lov eller mot Guds lov i det Gamle og Nye Testamentet. Ein rettferdig krig er den som vert ført til naudsynligt forsvar, eller imot ein stor urett, eller for aa vinna tilbake det som er røva med urettferd og vald.

Øvrigheiti hev rett til aa straffa med dauden. Brochmand meiner dødsstraff bør nyttast ofte, han krev dødsstraff i fleire serlege tilfelle, jamvel for visse slags tjuving, og han rosar Christian IV som jamman utøvde dødsstraff<sup>15</sup>.

Ein kristen kan med godt samvit hava eit offentlegt embete. - Øvrigheiti hev rett til aa krevja eid av undersaattarne.- Undersaattarne hev den plikt aa syna øvrigheiti æra og heider, og aa yta henne skatt og all lovleg lydnd. Til og med ei hard og vantru regjering skal ein lyda. - <sup>16</sup> Men det er grensor. Um regjeringi med makt vil tvinga paa undersaattana ein falsk religion, daa skal ein berga seg med røming, men ikkje med aa rista av seg øket med makt. Brochmand godkjenner ikkje motstandsretten.

Kyrkja er, etter Brochmands læra, eit utvortes og synlegt samfund, som Gud hev kalla ut or den ureine verdi gjennom den reine preika av ordet og den rette forvaltning av sakramenti, under Christus som hovud. Berre i dette samfund vert det, ved ord og sakrament, skapt eit liv som tekkjest Gud. - Men samtidig er kyrkja eit usynlkegt samfund - samfundet av dei truande som skal frelsast. Det er so langt ifraa, at kyrkja skal gaa upp i denne verdens rike, at ho tvertimot etter sitt vesen ikkje er av denne verdi. Det kyrkjelege herredømet lyt difor skarpt skiljast fraa det verdslege. Christus aaleine er den øvste og absolute herre over kyrkja.

Kyrkja er eit ordna samfund, - der bør finnast dei som byd,

og dei som lyder. Men eit synlegt overhovud er ikkje til. Kyrkjestyret kann ikkje - etter Skrifti - vera reint demokratiske. Men det kristne folket bør likevel ha nokon lut i styring. Det gjeld ved ekskommunikasjon, ved val av embetsmenn, ved godkjenning av lover, og ved avgjersla av strid. Brochmand tilstaar bibelkunnige og retttruande læke kristne sæte paa kyrkjeforsamlingar, under leiding av teologar.

Midlane til aa styra kyrkja paa rette vis er Guds ord lyklemakti og sakramenti. Bruken av desse midlar er ved lovlegt kall overdrege til skikka folk, og der er av Gud innstifta eit kyrkjelegt embete. Til det kann det ikkje takast kvinnor. Heile kyrkjelyden er klēros, men dei ordinerte i særleg forstand.

Einskap i tru er for Brochmand den vissaste grunnvoll for staten. Han prisar Christian IV for hans verksemd til aa halda uppe trudoms-einskapen. "Enhed i tro - segjer Brochmand i liktalen over kongen <sup>17</sup> - er rigernes pryd, beskyttelse og forøgelse. Dersom dette baand oppløses, idet forskjellige religioner indføres, oppløses sjælens enhed; menneskenes liv vil opfyldes af taabelighed, forbrydelse, ugudelighed, grumhed; undersaatterne vil omkomme i indbyrdes drab" - "Turbata religione, turbari politiam".

Det politiske og det kyrkjelege herredøme er forskjellige i materie, form og maal. Objektet for det kyrkjelege herredømme er innvertes og aandelege godar, formi er preika og forvaltingi av lyklemakt og sakrament, maalet er aandeleg rettferd og samvitsfred og sjælefrelsa. Objektet for det verdslege herredømme er utvertes tukt og verdslege godar som høyrer til dette liv, formi er politiske lover og den rette bruk av sverdet, maalet er borgarleg rettferd og timeleg fred og ro ~~i dette liv~~.

Men likevel <sup>sam</sup> er band millom stat og kyrkja naudsynlegt. Umsut for religionen er i høgaste mun paalagt øvrigheiti. Utsegner og døme i det gamle Testamente viser dette.

Brochmand skiljer millom actiones fini regiminis ecclesiastici interius servientes, som berre tilkjem den kyrkjelege øvrigheit: forkynningi av ordet, og forvaltingi av lyklemakti og sakramenti, - og actiones exterius servientes, <sup>18</sup>umsut for at alt i Guds hus skjer etter Guds ords fyreskrift, at dei gode tenerane vert lønt og dei late strafa og ulvane skilt fraa Herrens sander med utvertes makt, jamvel med sverd, og at alt som paa nokon måte kan skada gudsydingi, vert halde burte.

I denne utvertes styring tilkjem det kongar og fyrstar den fyrste plassen. Dei skal syta for, at den reine tru vert utbreit i alle provinsar i riket, og at kjættarskap sovidt mogeleg vert

utrydda; dei skal innsetja lærarar som lever og lærer reint, vaka over kyrkjetukti baade for læra og liv, hava umsut for kyrkior, skular og kyrkjegods; dei kan paabjoda faste, men ikkje tvinga nye kyrkjelege ceremoniar paa undersaattane og ikkje med makt avskaffa gamle; vert det usemja i kyrkja, kann dei samankalla ein synode og syta for, at saki vert avgjort der etter Guds ord under deira presidium. Denne retten hev berre ei rettruande statsmakt.

Spør ein, um staten med makt kann tvinga undersaattane til den sanne tru, er svaret, at det vil strida mot Guds ord og mot praksis i den eldste kyrkja, ja det er eit kjennemerke paa Antikrist. Trui kjem ved aa høyra, ikkje ved baal, sverd, fengsel.

Men det eigenlege spursmålet for Brochmand vart, um ein kristen fyrste kann tilstaa annarleidstruande religionsfridom. Skrifti forbyd blanding av ulike religionar, og berre undantaksvis kann slikt tolast for naud skuld. Sjølv um religions-einskap er høgst ynskjeleg, kann ein aldri oppnaa han i dette liv. Ein maa ikkje bruka eld og sverd mot kjøttarar, - regjeringi lyt tola ein framand religion som fyre hemmar tid er komen inn i riket, og hev ho lova religionsfridom, skal ho halda det.

Øvrigheiti hev rett til aa krevja av undersaattane eid paa deira tru, og skal hindra dei veike fraa aa lesa kjøttarske bøker. Avgudsdyrkarar, som enno ikkje er undervist um den sanne Gud, skal ikkje straffast, men undervisast. Men den som forfører andre til avgudsdyrking, skal straffast med dauden. Kjøttarar, som feilar av veikskap, og som ikkje eggjer upp undersaattane, skal ein ikkje straffa med dauden, men med bann og utlægd. Men dei som i trass gjer aatak paa religionen og eggjer opp undersaattane og nektar aa gaa i utlægd, skal ein straffa med fengsel, og um ikkje det hjelper, med dauden.

Naar den samme tru er i faare, skal ei regjering, som vil forsvara henne, ikkje gjera samband med vantru og kjøttarar. Brochmand fann det uriktigt, at lutheranar og kalvinistar gjorde samband mot katolikar i trettiaarskrigen.

Jødar vil Brochmand paa ingen maate tola. Han veit det er den aalmenne lutherske meining, at dei kann tolast i ein luthersk stat, med strenge avgrensingar. Men sjølv meinar han at det er betre aa stengja deim heilt ute fraa staten.

Dette er hovudinnhaldet i Jesper Brochmands læra um magistratus politicus og ministerium ecclesiasticum. Han byggjer paa Skrifti aaleine og tenkjer reint teologisk, -han er upaaverka av nyare tankar.

Paa 1600talet inntred der ei differentiering i syni paa samfund og samfundsmakt<sup>19</sup>. Ved sida av - og i motsetnad til - den teologiske retning, som hevdar det guddomelege opphavet til samfundsordningane og ser fyrsten som representant for Gud, set naturrettsfilosofien fram ei heilt menneskeleg forklaring.

Naturretten ser ikkje lenger staten som ei guddomleg innretning, men spør etter opphavet til staten ut ifraa dei sokalla "naturlege" fyresetnader, d.v.s. ut ifraa menneskelige vilkaar. Etter naturretten er staten blitt til ved ein samfundsavtale millom menneskior. Uppgaava aat staten er ikkje aa fremja Guds æra, men aa tena velferdi aat undersaatane, - aa fara deim til lykksaligheit, som det sidan kallast.

Spursmaalet blir difor, kva oppgaava og umfang statsmakti hev. Daa spursmaalet fyrst var sett, viste det seg, at oppgaava aat staten voks i det uendelæge, og dermed voks og makti aat staten. Det som serleg interesserar oss her, er definisjonen av funksjonane aat statsmakti, - dei sokalla suverenitetesrettane.

Den franske statsrettslæraren Jean Bodin, som fyrst<sup>20</sup> utformar umgripet "suverenitet" i den nye meining: statsmakt, majestas, nemner fem kategoriar av suverenitetsrettar, deriblandt lovgjevande makt, rett til aa utnemna embetsmenn, og rett til aa vera øvste domar. Men spursmaalet um makt for monarken i kyrkja talar Bodin ikkje um - naturleg nok, daa han var katolik.<sup>21</sup>

Annarleids i dette stykke lærte derimot den reformerte nederlandske rettsfilosofen Hugo Grotius<sup>22</sup>. I sitt ungdomsverk "De imperio summarum potestatum circa sacra", forfatta 1618, utgjeve 1647, gjennomførte han konsekvent og so kraftig som tenkjelegt læra um eineveldet aat statsoverhodet<sup>23</sup>. Og eineveldet strekkjer seg, etter Grotius ogso til kyrkja. Alle autoritetar, Skrifti, Aristoteles, reformatorane, er - segjer Grotius - einige um, at undersaatane bør leva lukkeleg; dertil høyrer, at dei skal vera gudfryktige, og difor maa herredømet aat statsmakti ogso gjelda sacra. Og det ikkje berre fordi religionen gjer sitt til den ytre velferd, men religionen framkallar ogso indre einskap i samfundet, og staten hev den positive fyremøn av religionen, at han gjer menneskiorne til gode borgarar - milde og lydige, fedralandskjære, tilgjevne til lov og rett.

Men herredømet aat statsoverhovudet i kyrkja hev eindaa, etter Grotius, si naturlege avgrensing. Summa potestas kann ikkje bjoda over indre handlingar, ei heller hev ho noko aa segja paa umraade som Gud hev ordna. Herskaren kann ikkje setja forbod mot aa halda preika og aa dela ut sakramenti, han kann ikkje forandra den form som Gud hev gjeve desse, og han kann ikkje gjera forandringar med hovudstykk i trui. Men han kann skipa embete, byggja kyrkior, ordna presteval og kyrkjetenesta og sal av kyrkjegods. Alt dette er ting som Guds lov eller naturretten hev late uavgjort.

Men i røyndi gjeng makti aat herskaren vidare. Sjølv um ikkje kongane er ufeilbare domarar i trdomsspursmål, so tilhøyrer judicium de sacris her paa jordi samma potestas, og ingen kann bryta domen aat landsherren. Men for aa kunna fella dom, maa innehavaren av statsmakti for det fyrste ha kunnskap um tilhøvi og for det andre eit religiøst huglag. Han maa høyra fromme og lærde prestar, elles kann han mistaka seg. Synodar er mykje gagnlege, men herskaren hev rett til aa gaa utanum deim..Deira oppgaava er berre aa gjeva raad og aa gjeva samtykke og aa utøva den rett dei hev fenge av summa potestas. Landsherren hev rett til aa velja eller vraka medlemmer av synoden, aa døma saman med prestane, og aa taka den endelege avgjersla etter synoden, - m.a.o. han hev rett ikkje berre til aa stadfesta, men ogso til aa prøva og aa forandra.

Med umsyn paa prestevalet oppstiller Grotius ingen einegyldig regel. Korkje guddomleg eller menneskeleg rett hev fastsett noko um det. Det er ingenting til hinder for, at herskaren utnemner prestar - ja det er ein fyremun at han gjer det; dermed undgaar ein kyrkjelege villfaringar og kløyvingar, og faarar for staten. Elles kann alle vegar føra til eit heldigt resultat i dette stykke - baade folkeval, bispeval og kongeval kann gjeva gode prestar<sup>24</sup>.

Den engelske statsrettsfilosofen Thomas Hobbes ( De cive, 16..; Leviathan, 1651) avleider statsmakti heilt ut fraa verdslege motiv - bellum omnium in omnes, den innbyrdes strid, som avlar stendig frykt - . Han staar med baae føtene paa jordi, medan andre naturrettslærarar - som Grotius - reknar meir og mindre med Guds verksemd som ei indirekte kjelda til statsmakti.<sup>25</sup> Si statslæra byggjer han berre paa den positive rett, - han tek avstand ifraa, at der eksisterar lex divina eller lex naturæ. Øvrigheiti og den aaleine er kjelda til lovi og rettferdi.

Til majestetsrettane aat den einveldige suverænen - rettar som vert motivert med verni om den indre og ytre fred - reknar



Hobbes ogso makti over kyrkja. Herskaren hev rett til aa avgjera trudomssaker. Som einaste lovgjevar er det han som avgjer kva for bøker som er aa rekna for kanoniske, og difor skal han ogso ha retten til aa tolka deim.<sup>26</sup>

Hobbes hadde meiningsfrendar ogso i Danmark<sup>27</sup> - den fyrste er tyskaren generalauditor Paul Tscherning, som rekna geistligheten for det fjorde standet og for ein rest av paveveldet (1663)<sup>28</sup>. Men det lèt seg ikkje føra overtydande prov for, at Hobbes's tankar hev innverka paa utformingi av absolutismen i Danmark - Noreg. Der er likskap, men ulikskapen er større.

Blandt dei tyske statsrettsteoretikarane paa 1600talet hev serleg Henning Arnisæus eit rom i fyrehistoria til eineveldet i Danmark-Noreg<sup>29</sup>.

Fyrr Arnisæus i 1619 gjekk i dansk-norsk tenesta - som liv-medicus hos Christian IV (til sin død i 1636) - hadde han gjeve ut eit verk um majestætsretten (1610) som vekte merksemd i daa-tidi; det var dedisert til kurprinsen av Brandenburg. Majestætsrettane - eller regaliene, som Arnisæus kallar dei - deler han i tvo klassar: dei større og dei mindre. Dei større er fylgjande seks: 1) den lovgjevande makt - der herskaren er avgrensa av naturretten - , 2) valet av embetsmenn, 3) domsretten i øvste instans, 4) vaapenmakti, 5) retten over religion og kyrkja, 6) myntretten.<sup>30</sup>

Arnisæus skyt religionen fram i fremste romet i si statslæra. Baade av umsyn til staten og til majestæten maa han hevda at kyrkja skal vera avhengig av staten. Paa kyrkja hviler til sjuande og sist truskapen fraa undersaattane si sida. Fyrsten er "fosterfader aat kyrkja" (Jes. 49, 23), - hans samtykke vert kravt til bispeval, han samlar og leder kyrkjemøti, han utfører domane aat biskopane, vel aa merka, hvis han godkjenner deim. Men i sjølve trui og i dei kyrkjelege tilhøvi maa han ikkje gjera forandringar utan raad og rettleiding av teologana<sup>31</sup>.

I dansk statsvitskap fyre 1660 møter me ulike retningar og paa-verknader. Det er uturvande aa gaa inn paa dei ymse forfattarar, - dei kjem lite inn paa den kyrkjelege<sub>2</sub> sida av saki. Um den sa Jesper Brochmand det avgjerande ord, - hans læra um statsmakti vart knesett av samtidi, og i 1646 vart det teokratiske einevelde forkynnt av ein ung dansk adelsmann, Gabriel Akeleie, i ein disputas ved Akademiet i Sørbø.<sup>33</sup>

At kongane, etter den Heilage Skrift, heiter gudar, vil segja,

at dei sit inne med den øvste makt likesom gudane. Fyrsten er Guds avbilæte - gjennom sitt embete. Han er Guds vikar i utøvningi av rettferdi. Han bør lydast, - ikkje fordi han fortener det personleg, eller fordi han gjev rettferdige paabod, - men fordi han er innsett paa lovleg vis, legitime constitutus. Ein maa ikkje rekna han som eit vanlegt menneskje (merus homo); det er i honom, framfor andre, innplanta noko guddomlegt.

Den teokratiske monarkisme fekk si utførlegaste utforming i det store verket um kongsretten - *Juris regii libri sex*, 1663-(72), av Hans Wandal,<sup>34</sup> professor i teologi i København, Hans Svanes ettermann som Sjællands biskop. Enndaa meir konsekvent vart læra utforma i hans fyrelesningar 1664<sup>35</sup>. - Wandal avviser dei ulike teoriar um menneskelegt opphav til statsmakti. Naar einveldet vart innført i Danmark og Noreg, etter ynskje og samtykke av folket, so var det fordi Gud stelte det so, - ja mynja aat kongen skriv seg beinveges fraa Gud. Einveldet er eit guddomlegt umbod som er overdrege kongen, og hans makt staar berre tilbake for Guds. Ingen jordiske lover bind einvaldskongen, ingenn kann setja seg upp imot honom.

Fremst blandt majestætsrettane set Wandal herredømet over Kyrkja: *cura religionis et sacrorum*, - dei andre er 2) rett til lovgjeving og embetstilsetjing, 3) domsrett, 4) rett over krig og felag, 5) rett over eigedom, skatt og toll av undersaattane. Retten aat kongen vedrørende kyrkja ("*circa sacra*") forklaarar Wandal fyrst og fremst som ei plikt - "at han i sitt rike vernar den eine ortodokse religion, som han sjølv ved Guds naade hev motteke fraa forfedrane, som han er oppfødd i, og som han med den Heilage Andes hjelp kannar sanningi av, - medan han forbyd og viser ut av riket alle sekter eller den sokalla blanda religion, og ikkje tilsteder slike fri religiøns-øving". - Framleides hev han rett til aa kalla prestar, og ved si tilsyn syta for at alt gaar ordentleg til ved valet, - det gjer han som vaktar over Guds lov, iser det tridje bodordet; men kyrkjelyden skal ikkje missa sin rett ved prestevalet.<sup>36</sup>

I læra um majestætsretten over kyrkja fylgde Wandal i det store og heile Grotius, men i sume stykke gjekk han vidare enn honom. Soleis tillå han utan avgrensing fyrsten avgjersla paa synodane ved aa visa til Konstantin den stores verksemd som aalmenn biskop "innsett av Gud". Paa den andre sida vert den styrande mynja aat kongen avgrensa til det utvertes, - som òg Konstantin sa,<sup>37</sup> at han var biskop for det utvertes. Og han vil ikkje kalla fyrsten for hovudet aat kyrkja; for majestætsretten

over kyrkja bør ikkje uppheva det aristokratiske styre av prestane innanfyre kyrkja; dette styre hev Gud sjølv innsett, til deim aaleine hev han overdrege det geistlege embete, dei utøver den indre aandelege mynja. Og Christus aaleine er hovudet aat kyrkja. Den "fundamentallov" for den nye statsskipnaden, som arveivalds-kongen i Danmark og Noreg hadde faatt fullmakt av standi til aa gjeva, vart utferda under namnet "Kongeloven", og er dagsett 14. november 1665. Det er paavist, at forfattaren til Kongelovi var Frederik III's 30aarige kammersekretær Peter Schumacher. Til grunn for den offisielle danske tekst ligg eit latinsk utkast, som er skriva med Schumachers hand og ber merke av aa vera gjennomgaatt med kongen.

Schumacher<sup>38</sup> sat inne med ei ypparleg aalmenndanning. Etter teologisk attestats i Kjøbenhavn hadde han lege paa studium utenlands i 6-7 aar, serleg i Holland, England og Frankrike. - Som student var han blitt uppteken i huset hjaa Sjællands biskop Jesper Brochmand, forfattaren til det dogmatiske hovudverket i den danske kyrkja. Det er viteleg at Brochmand øvde sterk innverknad paa dei unge som levde i krinsen hans, baade teologisk og kyrkjeleg, - og utan tvil hev Schumacher òg faat del i denne paaverknaden. I Oxford slutta Schumacher varm venskap med ein mann av liknande støyning, den høgkyrkjelege John Fell, seinare dean ved Christ Church College og tilsist biskop av Oxford, ein av Hobbes's kvassaste motstandarar. Fell var ein edel og karakterfast personlegdom, som kom til aa spela ei rolla ved reorganisasjonen av den engelske kyrkja etter restaurasjonen. Andre teologiske vener som Schumacher vann seg i England, delte dei same høgkyrkjelege meiningar.<sup>39</sup> - Naar Schumacher likevel under sine utenlandsstudier ikkje kasta seg i armene paa den ytterleggaaande monarkiske retning, som førte til teokrati, kom det av at han, visstnok i Paris, kom inn paa studium av Hugo Grotius og lærte mykje av honom.<sup>40</sup>

Kongelovi viser ikkje - som det hev vore hevda - paaverknad fraa Hobbes<sup>41</sup>; der er ein gjennomgaaande skilnad, baade i prinsipp og i detaljar, millom den irreligiøse Hobbes og Kongelovi som fører alt tilbake til Gud.

Art. I: "Den beste begyndelse till alting er at begynde med Gud".

Art. XI: "Menniskens endoch de allerviiseste anslag ere dog udj Guds haand, og i huor viselig en ting begyndt er, saa er det dog Gud som gjør enden og udgangen derpaa efter sin behagelige villie..."

Men Kongelovi er heller ikkje uttrykk for den teokratiske monarkisme. Ho representerar eit millomstandpunkt - den religiøse naturrett. Eineveldet er overdrege kongen av folket, ved ein avtale, men det er skjet ved Guds leiding - mediate a Deo, immediate a populo -.

Dei sju fyrste artiklane, som utgjer den eigenlege forfatningslov, og som sidan gjekk over i Christian V's danske og norske lover, definerar majestetsrettane. Fyrebilaget for desse fyresegner finn me dels hos Arnisæus, dels hos Grotius.

Likesom dei kongelege handfestningane alltid byrjar med ein lovnad um aa verna kyrkja - eller, etter reformasjonen, aa handheva den kristne religionen, soleis tek også Kongelovi til med ei tilsvarende forplikting fraa arveeinvalds-kongen paa egne og etterkomarane sine vegner, til

1) "at... ære, tjene og dyrke den ene rette og sande Gud paa den maade og maner som han i sit hellige og sande ord aabebaret haver og voris christelige tro og bekjendelse klarligen derom formelder efter den form og maade som den ren og uforfalsket er bleven fore-satt og fremstillet udi den Augsburgiske confession aar 1530,  
2) og ved samme rene og uforfalskede christelige tro holde landsens indbyggere, og den vædeligen haandhæve og beskjerme i disse lande og riger mod alle kjettere, svermere og Guds bespottere".

Denne artikkelen ligg til grunn for §§ 2 og 4 i Eidsvollsgrunnlovi av 1914:

§2: Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion.

§4: Kongen skal stedse bekjende sig til den evangelisk-lutherske Religion, haandhæve og beskytte denne.

Kongelovi forklaasar einveldet slikt, at Kongen skal haldast av undersaattane for det høgaste hovud paa jordi over alle menneskelege lover; han skal ikkje hava nokon over seg utan Gud aaleine (art.2), og skal "ene have makt at bruge alle regalier og jura majestatis hvad navn de og have kunde".

Den suverene kongemakt umfatar baade kyrkja og staten: "geistlige" og "verdslige" saker (art.2). Definisjonane av majestetsrettane vedrørande den aalmenne mynja aat kongen gjeld soleis også kyrkja: Kongen er øvste domar (art.2), han innset og avset alle embetsmenn (art.4), han hev den øvste vaapenmakt og rett til å pålegge skatt

og toll (art.5). Um kyrkja serskilt talar art. 6 som definerar mynja aat einvaldskongen vedrørande religionen slik at kongen hev den øvste makt over geistligheten og vedrørande gudstenesta og kyrkjemøti:

"Skal og kongen ene have høyeste magt over all clericiet fra den høyeste til den laveste; at beskikke og anordne all kirke- og gudstjeneste; moder, sammenkomste og forsamlinger over religionens sager, naar han det raadeligt agter, bjude, forbjude".

Artikelen vart uppteken i Christian V's danske og norske lov-bøker av 1683 og 1687 (1-1-1), med den utrykkelege avgrensing som fylgjer av den vedtekne konfesjon:

"Kongen haver og ene højeste Magt over alt Clericiet, fra den Højeste til den Laveste; at beskikke og anordne al Kirke- og Guds-Tienistø; Moder, Sammenkomst og Forsamlinger om Religions-Sager efter Guds Ord og den Augsburgiske Confession, naar han det raadeligt eragter, at byde og forbyde."

Artikelen i Kongelovi og Lovboki ligg vidare til grunn for § 16 i Eidsvollsgrunnlovi av 1814:

"Kongen anordner al offentlig Kirke- og Gudstjeneste, alle Møder og Forsamlinger om Religionssager, og paaser at Religionens offentlige Lærere følger de dem foreskrevne Normer."

Med absolutismen er territorialsystemet innført i Danmark og Noreg<sup>42</sup>. Det hev funne sitt forfatningsmessige uttrykk i dei her citerte lovfyresegner<sup>43</sup>. H. Bagger kallar 1686 kongen "sacratissimus Divinæ Majestatis in his regnis vicarius"<sup>44</sup>.

I perioden 1620-50 - daa kyrkja i Sverige var friare stelt enn nokor tid, og baade lovgjeving og styring var overlati til biskopane eller consistorium regni -, nærma Danmark og Noreg seg sterkt til det som Rosenberg hev kalla "konge-pavedøme". Sjølv um kongen laut dela lovgjevingsmakti for viktigare lover med riksrådet, og lata adelen raada sjølv i mange kyrkjesaker, so gjekk likevel lovgjeving og styring i kyrkja ut fraa kongen personleg. Christian IV hadde ingen trong til aa setja ved si sida eit mektigt styrande og dømande kyrkjeraad. Han fann aldri nokor kyrkjesak for underordna eller lokal til aa avgjerdast av kongen. Og det var ikkje nok for honom aa bjoda og befala. Hans kyrkjelege forordningar og brev hev ofte ein reidegjerande, formanande, irettesetjande tone, som gjev deim meir karakter av biskoppelege hyrdebrev enn av viljesytringar av statsoverhovudet.<sup>45</sup>

At kongen gjev nye og serlege lover um einskilde umraade av kyrkjestyringi, er i og for seg ikkje merkelegt. Han gjeng i so

maate ikkje utanfor ordinansen, naar han utsender forordningar um presteval, presteutdanning, kyrkjedisiplin, visitas, bots- og bededagar, husandakter etc.

Bispeval etter ordinansen vart meir og meir sjeldsynt; kongen utnemnde sjølv dei fleste. Det vekte aatgaum, daa Jesper Brochmand ikkje vilde taka imot utnemning til Sjællands bispestol innan han vart lovleg vald (1638).

Det personlege regimente i kyrkjesakker vedvara ikkje under Frederik III. Kongepavedømet kulminerte med Christian IV. Men spaningi millom adelen og dei uadelege standi i dei fylgjande aar hadde tvo verknader i kyrkjeleg umsyn: Der voks upp ei sterkare og meir medviti standskjensla hos geistligheten som no stig fram med serlege privilegiekrav, - dei ynskte sine gamle fridomar og rettar stadfesta og dei bad um mange nye fyremuner (1648, 1660-61). Og geistligheten stelte seg paa same sida som kongen og medverka til aa gjennomføre einveldet<sup>46</sup>.

So kraftig hadde prestestandet i Danmark fremja saki aat kongen paa riksdagen i 1660, at leidaren, Sjællands biskop Hans Svane, torde vona paa, at kyrkja skulde vinna ei vyrdeleg og etter maaten sjølvstendig stilling i høve til statsmakti. Hans Svane fekk titel av erkebiskop, og det vart skipa eit kyrkjelegt regjeringkollegium, konsistorialkollegiet, med erkebiskopen til president. Svane utarbeidde ein plan for verksemd i aat dette øvste kyrkjestyret, som han tek<sup>n</sup>te seg ihopsett av berre kyrkjemenn. Men planen vart - likesom i Sverige under Gustav II Adolf (1623/25)<sup>47</sup> - ein abort.<sup>48</sup> Svanes erkebispetitel gjekk ikkje i arv til hans ettermann, og konsistorialkollegiet kom aldri ordentleg igang.

Ved kongelovi 1665 vart all ytre kyrkjemakt samla hos einvaldsmonarken. Likevel vart det ikkje det personlege kongepavedømet som kom att. Heller kann ein - som Rosenberg - kalla tilstandet fraa no av for statspavedøme. Den einveldige kongen kom ikkje som Hans Svane hadde ynskt, til aa overlata kyrkjeregimentet til eit geistlegt konsistorium, men utøvde det - likesom kongen fyrr hadde gjort - ved eit verdslegt regjeringsorgan, det kongelege danske kanselli, som ogso rettsvernet høyrde under.

Det skjer no etterhand ein centralisasjon av kyrkjeregimentet hjaa kongen.

Ved dei geistlege privileg av 1661 vart det prinsipp fastslege at kongebod til geistligheten skulde utgaa etter kongens eigen

ordre gjennom biskopane og ikkje skje ved dei kongelege lensherrane eller deira fullmektige.<sup>49</sup>

Alle kyrkjelege personar og skipnader, som innehadde donasjonar, beneficia og benaadinger, skulde, etter ordre av einvaldskongen (1661 og 1666) senda sine "adkomstbrev" inn til det kongelege skattkammer for aa faa dei fornya.<sup>50</sup>

Den eid som medlemmene av kapitli pla avleggja til sin korporasjon, avskaffa einvaldskongen i 1666, - dei skulde ingen annan embetseid avleggja enn til kongen.<sup>51</sup>

Um prestekallingi gav einvaldskongen i aari 1666-1670 nye fyresegner, som hadde til fylgja, at baade kyrkjeleg patronatsrett og presteval gjennom kyrkjelydane fall burt, og kallsretten, burtsett fraa adelege patronatskall, gjekk over til kongen.

Ved dei geistlege privileg av 1661 hadde kongen gjort patronatsrett avhengig av kongelegt privilegium, eldre eller nytt. Kapitli kunde ikkje visa noko kgl. privilegiebrev for sin kallsrett, som dei aldri hadde motteke av kongen, men utøvd etter gamall kyrkjeleg ordning. Fylgja var; at dei no mista retten, etter eit kgl. reskript av 1666: "Ingen som med geistligt gods er benaadet, enten pro persona eller pro officio, ei heller tutores for domkirkerne, maa tilegne sig jus patronatus saalidt som birkerettighed (d.e. domsrett), men begge disse rettigheder forbeholdes kongen -"<sup>52</sup>

Eit reskript til biskopane i 1667 fyreskreiv, at den som vart kalla til prest (av kyrkjelyd eller patron) og framstelt for biskopen, fyrst skulde verta konfirmert til kallet av kongen med ope brev, og at ingen maatte ordinerast av biskopen innan den kongelege resolusjon om kallet var gjeven.<sup>53</sup> - Alle kongelege aalmenne ventebrev paa fyrste ledige kall vart tilbakekallt i 1669, og i staden vilde kongen gjeva spesielle ventebrev paa einskilde embete etter søknad.<sup>54</sup> - Stadfesting (eller "kollats") paa prestekall etter val av kyrkjelyden var hittil gjevi av dei kongelege lensmenn. I 1670 avskaffa kongen kollats av amtmennene - som hadde avløyst lensmennene under eineveldet - for prestar som hadde kongebrev paa kall; istaden skulde dei senda sin skriftlege embetseid inn til det kongelege kanselli.<sup>55</sup>

Soleis vart heile prestestandet - gjennom kongeleg kallsrett, gjennom kongeleg konfirmasjon paa kall, og gjennom embetseid til kongen - stelt under den eineveldige innehavaren av statsmakti, og kyrkja sine tenarar gjekk over til aa verta kongelege embetsmenn.

Den som gjennomførte centraliseringen<sup>56</sup> av kyrkjeregimentet i Danske Kancelli, var forfatteren av Kongelovi, Peder Schumacher, som i 1666 vart utnemnd til sekretær i Kancelliet og seinare steig til høgare og høgare stillingar, tilslutt til storkanslar, - 1671 adla under namnet Griffenfeld, eigar av greivskapet av same namn paa Vestfold (seinare Jarlsberg).

Schumacher viste personleg stor interesse for presteutnemningar, og jamnan høyrde han sjølv dei kandidatane som han ynskte aa forfremja, og skreiv ned for sitt bruk ein kort og fyndig dom um vedkommande predikants lærdom og talegaavor. Men det vart ogso klaga over at han gjorde seg skuldig i simoni, og daa han vart styrta i 1676, fann kongen orsak til aa "forbyde og afskaffe al skjenk og gave til rettens forkrenkelse og bestillinger at erlange", under tap av æra, liv og gods.<sup>57</sup>

Men prestekallsretten vart ogso misbrukt paa annan maate. Kongen tok til aa gjeva burt patronatsretten i fleng til private "for gunst og gave". Det hekk atter saman med ein finansoperasjon som vart nytta i heile Christian V's tid, nemleg aa selja kyrkjerne til høgstbydande, - og med salet fylgde gjerne kallsretten. Dette misbruk av den kongelege kyrkjeregimentsmakt viste seg fyrst og fremst i Danmark. Fyrst seinare kom turen til Noreg.<sup>58</sup>

Paa kyrkjelegt hald var det stort misnøgje med den utvikling kyrkjestyringi tok, og serleg daa med den kongelege tilskikking av prestar. Alt i Griffenfelds tid var det framme eit ynskje fraa kyrkjeleg sida um eit seminariun candidatorum, som skulde vera grunnlag for kyrkjelege embetstilsetjingar.<sup>59</sup>

I 1677 kom det eit omfattande Forslag til kirkesagers forbedring, forfatta av dr. J. Bircherod. Forfattaren klagar over, at det ikkje lenger vart gjort skilnad paa kyrkjelegt og verdslegt, og at det ikkje som fyrr vart innhenta kyrkjelege raad i kyrkjelege saker. "Gud haver selv gjort skjel mellem sin kirkes sager og andre verdslige sager, og vil have god orden og skik holden i dem begge, saa at ligesom de verdslige sager betjenes med visse personer som dertil af den høieste øvrighed forordnes efter enhvers capacitet og dygtighed særdeles, saa skulle og kirkens sager især betragtes og betjenes ved dem som dertil særdeles ved Guds naade findes dygtige og beqvemme...Vel har de forrige konger brugt Universitetets theologer med biskopen af Sjælland som deres geistlige raad udi adskillige samvittighedssager; men det bliver herefter neppelig holdt..." "Monne der være nogen christen nation, hvor 1) sabbatens



helligholdelse mindre iagt er tagen? 2) hvor det er gaaet slettere til med deres kald og beskikkelse som tjene Gud? 3) hvor Guds huse og kirkerne ere i en ringere og besværligere tilstand end i disse riger?"

Bircherod paaviste at det i høg grad trengtest eit geistlegt kollegium til aa vera øvste kyrkjelege styrings-organ for baae rike, og han meinte det geistlege standet burde ikkje setjast tilbake for dei andre stand, for det hev vist truskap, ihuge og velvilje likesovel som dei hine. Kollegiet skulde ha tri oppgaaer: 1) aa gjera innstilling til presteutnemningar, 2) aa ha øvste tilsyn og styring over kyrkjorne i baae rike, deira vedlikehald og økonomi, 3) aa døma i dei vanskelegaste ekteskassaker.

Kollegiet skulde vera samansett av alle biskopane i baae rike, dei 6 danske og dei 4 norske, den kongelege konfesjonarius, dei teologiske professorane, nokre juristar, og stiftsprovsten i Kjøbenhavn. Medlemene skulde halda møte skiftevis, avhandla alle kyrkje- og skulesaker og gjera fyrestelling um dei til Kongen. Kollegiet skulde reknast som eit av dei kongelege regjeringskollegia.

Kongen tilsette ein kommisjon til aa granska framlegget. Kommissjonen fyrela det for biskopane, med spursmaal um korleis det kunde setjast i verk, korleis ein kunde avskaffa misbruk ved prestekalling, hjelpa upp latinskulane, skipa barneskular paa landet, og kva som i det heile turvttest til beste for tenarane i kyrkja og skule.

Noko geistlegt regjeringskollegium vart ikkje skipa - no like so lite som fyrr. Men kongen sette i 1681 i gang ei skarp gransking um det var fyregaatt simoni ved private patronatskall.<sup>60</sup> Og i 1690 paala eit kongeligt reskript dei prestane som vart kalla av kyrkjeeigarane, fyrst aa søkja kongelig konfirmasjon paa kallet.<sup>61</sup> Dermed var alle prestar stelt paa like vilkaar som kongelege embetsmenn. NB. biskopleg kollats..

## NOTER TIL KAP. XII, 10: EINEVELDET OG KYRKJA

1. 1941 14/2, 11<sup>15</sup>- 12. 1 tilh. jfr. PRE<sup>3</sup> XVIII, 711 ff.
2. PRE<sup>3</sup> X, 468 ff.
3. PRE<sup>3</sup> V, 426 f.
4. Müller KG II 2, 597 ff. PRE<sup>3</sup> V, 426. Fr. Nielsen II, 479.
5. Müller 314
6. 316
7. 318.
8. PRE<sup>3</sup> X, 470.
9. som ein finn alt hos Luther
10. PRE<sup>3</sup> V, 426 f.
11. jfr. citati hos Kalkar II, 876a; III, 275b; NB. innskrift paa bilæte i Vaagaa Kyrkja.
12. Koch 777. NB. Oluf Lauritssøn Trundhjem (Arctander), Gud Faders døtre 1630, paa latin 1635; han hev læra um det trefaldige regimen; han bygde paa Kort Aslaksson. Chr. Staph. Bang, Post. Catechet. VII 1651 hev dei tri status, likeins i Christianiæ Stads Beskr. 1651.
13. 1936 2/4 9<sup>15</sup>- 10, 2 tilh.
14. E.A. Koch, i Ny Khs III, 777 ff.
15. s. 728, 778.
16. leidendes Gehorsam (K. Foss)
17. s. 780
18. ein ordnande og vernande funksjon
19. 1936 2/4 10<sup>15</sup>- 11. 3 tilh.
20. 1586
21. Fabricius, Kongelovene 30-1.
22. Fabricius 57 ff.
23. Ogso i Jus belli et pacis 1625.
24. Det er i røyndi Grotius, ikkje fyrst Chr. Thomasius, som er far til det sokalla Territorialsystemet. PRE<sup>3</sup> XIX, 527-30.
25. Fabritius s. 8-9. 64-5.
26. s. 10.
27. s. 276-7. 285-7.
28. s. 277.
29. 1941 21/2 10<sup>15</sup>- 11 6 tilh.
30. Fabricius s. 50-51.
31. s.56
32. s. 12
33. s. 111.

34. Fabricius 278 ff.
35. Gl. kgl. Saml. 3282. 4<sup>o</sup>. NB. W.s tale ved Chr. V's salving 1671.
36. Helveg I, 458-9.
37. jfr. Helveg I, 459
38. 1936 16/4 9<sup>15</sup> - 10. 1 tilh.
39. Fabricius 16-17. 169-70.
40. s. 271
41. Fabricius 1-20. - Mot honom Kåre Foss, Ludvig Holbergs naturrett på idéhistorisk bakgrunn, Oslo 1934, s. 170 ff.
42. Taranger, Kirkeret s. 58.
43. I røyndi kann ein vel segja, at episkopalsystemet aldri hev vore godkjent hos oss ?
44. Zwergius 315
45. C. Rosenberg III, 283 ff.
46. Kap. 9 s. 15 ff.
47. C.A. Cornelius, Sv. K. hist. e. ref. I, 143-8.
48. Rosenberg III, 289.
49. DK1 III, s. 436.
50. DK1 III, nr. 429. 458. 460.
51. DK1 III nr. 458.
52. DK1 III nr. 457. Helveg I, 466
53. DK1 III nr. 469.
54. DK1 III nr. 479, jfr. 469 slutten.
55. DK1 III nr. 485.
56. 1936 16/4 10<sup>15</sup> - 11. 1 tilh.
57. Helveg I, 485 f.
58. Helveg I, 490. 498 f.
59. Helveg I, 485.
60. Helveg I, 496.
61. Helveg I, 499.

XII. 11. Christian V's lover.

Under kong Christian V fekk den danske og norske kyrkja heilt nye lovverk, sovel for det ytre som for det indre. Kyrkjeordinantane for Danmark (1539) og Noreg (1607) som inneheldt fyreskriftene baade um det eine og det andre, vart avløyst av tvo lovverk, eit for kyrkjeretten, - og eit for gudstenesta. Det fyrste lovverket utgjer ikkje lenger ei serleg lovbok men inngaar som andre bok, "om Geistligheden", i Christian Vs Danske Lov av 1683 og Norske Lov av 1687: Dei liturgiske fyreskriftene vart utskilt til eit "Kirke-Ritual", felles for baae rike, 1685; til det slutta seg til andre liturgiske bøker.

Christian Vs lover hev fenge eit langt liv. Lovbøkene gjeld til dels enno. Ritualet galdt til 1889 i Noreg, og den dag i dag i Danmark.

Fyrebuingane til dei tvo nye lovbøker for Danmark og for Noreg, som ber Christian Vs namn, vara i mange aar, - for Danske Lov vart arbeidet sett igang alt i 1661, - for Norske Lov vart det uppteke i 1666 og for aalvor i 1680.

Fyre denne tid var det gjort ei lang rekkja freistnader fraa norsk sida paa aa revidert Christian IVs Norske Lovbok av 1604 - det var iser rikskanslaren Jens Bjelke (+ 1660) som streva med dette - men det synest som evna hev vanta, det kom ingen ting ut av det, - og desse planer vedrørte ikkje kyrkjelovi.<sup>1)</sup>

Med suvereniteten fekk kongen heile kyrkjemakti, og ei fylgja av det var, at kyrkjelovi kom til aa gaa inn i den aalmenne lovbok som ein del av den. Til aa byrja med var dette kanskje ikkje planen.

Den fyrste danske lovkommissjonen (av 26. jan. 1661) - som hadde 22 adelege, lærde og borgarlege medlemmer, men ingen geistlege - hadde til oppgaaava aa gjera framlegg um ein ny rettargangsorden og aa revidera "dette riges forrige love, recessen (av 1643) og andre forordninger".<sup>2)</sup>

Revisjonen av kyrkjelovgjevingi vart teki som ei serleg sak: Den 15 juli 1661 paala kongen biskopane og "de mest erfarne provster" (i Jylland og Fyn, og provstane i Sjælland)<sup>3)</sup> aa gjennomgaa Kyrkjeordnansen av 1539, Ribesartiklane av 1542, og Christian IVs Recess av 1643, lste bok, og senda sine fraasegner inn til erkebiskopen.<sup>4)</sup> Revisjonen galdt baade det som streid imot suveriniteten og arveretten, og det som elles trengte forandring. Det fyreligg ei fraasegn fraa Ribe stift.<sup>5)</sup>

Den andre danske lovkommissjonen, av 16. november 1662, som var eit utval paa fire medlemmer av den fyrste, tenkte seg kyrkjelovi upp-

teki i sjølve lovboki. Høgsterettsassessor Peder Lasseus idé var, at lovboki skulde ha 3 bøker, derav 3dje bok um "geistligheden og religionen".<sup>6)</sup> Etter det framlegg som lovkommissjonen i april 1664 innleverte til Kongen, skulde - likesom i Recessen av 1643 - fyrste bok handla "om geistligheden og hvis dertil hører". Til dette framlegget var det likevel ikkje utarbeidt noko utkast til kyrkjebolken.<sup>7)</sup> - I 1664 vart lovkommissjonen supplert med fire medlemmer av Statskollegiet, blandt deim erkebiskop Hans Svane. Men arbeidet gjekk i staa.<sup>8)</sup>

Større energi utviste den tredje danske lovkommissjonen, av 23. februar 1666, som hadde fire medlemmer, derav tri nye. Medlemene, som alle var høge civile statsembetsmenn, skulde utarbeida kvar sitt lovutkast. Av desse utkast fyreligg tvo fullstendig, for det tridje er disposisjonen kjent, det fjerde er tapt. Til planen for alle tri kjente utkast høyrer ei serleg bok "om geistligheden". Ho utgjer fyrste bok i det tridelte utkasti fraa høgsterettsassessor Peder Lassen<sup>9)</sup> og fraa assessor i Statskollegiet Christoffer Parsberg<sup>10)</sup>. Professor Rasmus Vinding leverte eit utkast delt i 5 bøker (codex Fridericius, 1667), - der var boki "om Geistligheden" den andre i rekkja<sup>11)</sup>, - den same plassen hadde ho sidan i dei fleste fylgjande utkast og tilslutt i bare lovbøkene. - Etter Peder Lassens plan skulde kyrkjebolken innehalda lste bok av Recessen 1643 med tillegg av seinare kongelege forordningar. I Parsbergs og Vindings framlegg var det ikkje innteke noko utkast til kyrkjebolken, daa Kongen "samme den geistlige stand at fuldferdige haver anbefalet".<sup>12)</sup>

Det vidare arbeid med den danske lovboki vart overdrege til professor Rasmus Vinding. Han var ikkje jurist, men han hadde vunne stor vyrdnad som skulemann og sidan som universitetslærer (fyrst i grask, sidan i historie og geografi), var ein mann som var brukbar i mange leider, og vart sterkt nytta i det offentlege liv under det nye einveldet; forutan professor var han assessor i Danske Kancelli og i Høgsterett. I sine unge aar hadde Vinding studert i Frankrike, m.a. i Jesuitkollegiet La Fleche ved Angers, og her hadde han, i ei skrift um arveriket og valriket 1640, dedisert til Sjællands biskop Jesper Brovmand, forsvara arveriket som den beste statsform, og gjort seg til talsmann for den læra, at Danmark eigenleg var eit arverike.<sup>13)</sup> Som ein av dei deputerte fraa Kjøbenhavnns universitet ved den danske standsriksdagen i 1660 fekk han høre til aa arbeida for dei tankar um arvekongedøme og

einevelde som han 20 aar fyrr hadde gjort seg til talsmann for <sup>14)</sup>. Vinding var medforfattar til det fyrste utkastet til Kongelovi, utarbeidd ca. 1663 <sup>15)</sup>. Og han var ein nær ven av Peder Schumacher, som i sine stillingar som kongeleg kammersekretær og sekretær i Danske Kancelli hadde mykje aa segja hjaa kongen. Ved ein løynleg ordre, skriven med Schumachers hand og ekspedert - ikkje gjennom Danske Kancelli, som lovrevisjonen hørde under - men gjennom det kgl. kammer - fekk professor Vinding 11. mars 1669 i oppdrag aa utarbeida eit nytt lovutkast <sup>16)</sup>, og det etter ein disposisjon som sannsynlegvis er forfatta av Schumacher sjølv <sup>17)</sup>. Etter denne planen skulde 2dre boki handla "om geistligheden" og umfata kyrkjeordinansen av 1539, Recessen av 1643, 1ste bok, og Frederik II's religionsartiklar for framande av 1569 <sup>18)</sup>.

Vinding utarbeidde sitt nye utkast ("det første Projekt") i 1669, og det vart grunnlaget for heile det fylgjande arbeidet med lovboki, - den danske sovel som den norske. Me hev ikkje projektet i si fyrste form, men slik som det vidare er arbeidd med det fram til 1672.

Det hadde vore meiningi at dei kyrkjelege myndigheiter sjølv skulde utarbeida utkastet til den kyrkjelege bolken i lovboki. Men etter alt aa døma er det ikkje blitt til noko med det. Og daa erkebiskop Hans Svane, som nærmast skulde staa fyre dette verket, var død i 1668, er oppgaava (sannsynlegvis) falli paa Rasmus Vinding. Hans "første Projekt" inneheld som 2dre bok eit fullstendig utarbeidd utkast til kyrkjelov, inndelt i 22 kapitel - same inndeling som i lovbøkene - og kapitli i artiklar. Til utkastet hev han brukt sovel dei eldre kyrkjelege hovudlovene som det materiale som var innkome fraa biskopar og provstar med tilføre av kongebrevet fraa 1661 <sup>19)</sup>.

Vindings utkast vart gjennomgaatt av ein dansk revisjonskommisjon, oppnemnt 24. september 1672. <sup>20)</sup> Men 2 dre boki serskilt vart det 24. febr. 1673 paalagt Sjællands biskop Hans Wandal aa granska og sidan gjennomgaa med dei andre medlemene av kommisjonen <sup>21)</sup>. Rettingane av kommisjonen i 2dre boki er ikkje synderleg inn-gripande.

Ein ny dansk revisjonskommisjon paa 4 medlemmer - deriblant Vinding sjølv - vart nedsett i 1675. Den tok fyre seg Vindings utkast fraa nytt av og utarbeidde eit "siste Projekt" til lovbok, 1675. Det hev i det store og heile same form og innhald som lovi fekk i sin endelege skapnad. <sup>22)</sup>

Endeleg oppnemnde kongen 28. februar 1680 den tredje danske revisjonskommisjon med ti medlemmer. For andre boks vedkomande vart kommisjonen utvida med tri geistlege medlemmer: Sjællands biskop dr. Hans Bagger, kgl.konfesjonarius og hofpredikant dr. Hans Leth, og prof. theol. ved Kjøpenhamns universitet dr. Christian Vold.

Lovkommisjonen sat saman 1680-1681. Andre boki vart gjennomgaatt tvo gonger, i 24 møte i 1680. Forhandlingsprotokollen aat kommisjonen er til <sup>23)</sup>, og den interessantaste delen av forhandlingane gjeld nettupp andre boki <sup>24)</sup>.

Tvo hovudpunkt i dryftingane galdt: 1) dei symbolske bøkene og religionseinskapen, 2) prestekallingi og valretten aat kyrkjelydane.

1) I samsvar med den fyreskrivne disposisjonen inneheldt Vindings første projekt av 1669 (2-21) ein artikkel av det innhald at biskopar, (provstar) og sokneprestar skulde fyrehalda alle dei framande som vilde bu i kongens rike og land, dei 25 artikkelane av 20. sept. 1569 <sup>25)</sup>.

Under gjenomsyni av Vindings projekt er det, mogeleg av biskop Hans Wandal, gjort eit utførlegt utkast til dette kapitlet <sup>26)</sup>, med 16 religionsartiklar, som i innhald motsvarar dei 25 artikkelane av 1569. Den som etter eksaminasjon ikkje samtykte i desse artikkelane, skulde røma landet innan 3 dagar, eller straffast paa liv og gods. Dessutan inneheldt utkastet forbodi i recessen av 1643 um dei romersk-katolske og i forordningi av 1655 vedrørande religionsøvingar hjaa framande ministrar.

Men i siste projekt av 1675 let den andre revisjonskommisjonen framandartikkelane falla, og let i staden 2dre bok byrja med ei kortare fyresegn, som, med visse mindre forandringar i 1680, kom til aa lyda soleis <sup>27)</sup>:

"Ingen anden Religion skal i Kongens Riger og Lande tilstedes uden den som overenskommer med den Hellige Bibelske Skrift, det Apostoliske, Nicæniske og Athanasii<sup>28)</sup> symbolis og den uforandrede Aar 1530 overgiven Augsburgiske Bekjendelse og Lutheri liden Katechisme <sup>29)</sup>.

Og skulle Superintendenterne og Sognepræsterne for alle Fremmede som ville bo i Kongens Riger og Lande, forholde nævnte Lutheri liden Catechismum med Hustavlen og hosføiede enfoldige Spørgsmaal og Sententser af Bibelen om de fornemste Troens Artikler saa og de sædvanlige Ceremonier i Kirketjenesten og Sakramenterne. Og skal ingen tilstedes at bo i Kongens Riger og Lande, som befindes i naagen kjætterske Vildfarelse imod fornævnte Katechismum og som

fornævnte Ceremonier ikke samtykke eller annamme vil, langt mindre nogen for Borger af Borgermester og Rand antages, førend han am sig fra geistligheden der paa Stedet fører Kundskole." 30)

For fyrste gong vart det her gjeve ei samla opprekning av dei symbolske skriftene, som skulde gjelda i den danske (og norske) kyrkja: Bibelen, dei 3 gamalkyrkjelege symbol, Augustana invariata, og Luthers litle Katekisma. 31) Dei geistlege medlemene av den tredje revisjonskommisjonen fyreslo dessutan, at ogso Konkordieformelen skulde innførast i lovi som lærenorm "pro doctibus" - for lærestandet i kyrkja. Men alle dei andre kommissærane fann dette "ufornødent". 32)

Som trudomsnorm for framande var det no i Projektet fyreslaatt Luthers litle Kateskisma og dei rituelle ordningane i den danske kyrkja. Ingen tala meir um framandartiklane. Men dei geitlege kommissærane vilde stramma kravi til dei framande: dei skulde eksaminierast etter Confessio Augustana, eller etter alle dei opprekna symbolske skrifter, - og ikkje berre det, dei skulde ogsaa lova, at dei "sig til vor kirke vil holde, annamme sakramenterne, og ei vil lade sig finde i nogen fremturende kjætterske vildfarelse". - Men dei lake medlemene av revisjonskommisjonen var imot aa gaa vidare enn Projektet. Rasmus Vinding "holdt for, at Luhteri Catechismus med dens Forklaring var ein fuldkommen norma til at examinere dem efter som sig her i rigerne vilde nedsætte, og formente at hvo som troede det som derudi fandtes, og levede christeligt, kunde noksom blive salig,.....thi det er forskjel at sætte sig ned som en borger eller som en theologus". Fraa den andre sida vart det sagt, at Luthers katekismus var ikkje tilrekkleg til av forklaara denvedtekte religion, "thi enhver kan vel tro Catechismum og have andre galne griller." 33) - I lovboki vart dei ymse fyreslaatte tillegg um religionsforhøyr med framande utelatt.

Dei geitlege ynskte ogsaa aa faa inn i same religionsparagrafen (2-1) eit uttrykkelegt forbod mot "nogen samkvem til fremmede religioners øvelser videre end af fremmede herrers gesandter...." Spursmaalet var just daa aktuelt, daa Christian V's reformerte dronning Charlotte Amalie var ein ihuga talsmann for sine trudomsplagar. Og daa fleire av biskopane (4 i Danmark 34) og 1 i Noreg 35) same aar vart spurt um si meining 36), raadde dei ifraa aa gjeva dei reformerte fri religionsøving. I 2dre bok kom det ikkje inn noko um dette punkt, men i 6te bok, 1ste kapitel, um villfarande læra, hadde projektet teke med dei gjeldande lovfyrseegner mot



papistar, munkar og fesuitar, forbod mot "alle andre særlige samkvemme til nogen anden religions øvelse eller prædiken" enn den som 2dre bok tala um. Ogso forordningi av 1655 - fornya 1676 - um religionsøving hjaa framande ministrar var uppteki her<sup>37)</sup>, med dei strenge forbod som dette løyvet var inngjerda med . Men i kommisjonen var det tvil um paragrafen skulde verta staaande eller ei, "eftersom contrarium daglig practiceris, endog det ved forordningen expresse er forbudet".<sup>38)</sup> Kongen vart spurt, men let artikelen staa<sup>39)</sup>.

Det vara likevel ikkje lenge fyrr det vart lempa paa religions-  
tvangen. 1682 11/3 tilstod kongen fri religionsøving i den danske byen Fridericia for "enhver som er af christen tro, om han endskjønt ei er saa lige af den augsburgske confession"<sup>40)</sup>, og ein synagoge for jødar. Og 1685 3/1 fekk dei reformerte privileg til aa setja seg ned i riki, og det vart gjeve dei romersk-katolske løyve til aa halda gudstenesta paa visse stader (reskr. 17/11 1685).<sup>41)</sup>

2) Ovleg stor vekt la dei geistlege medlemene av revisjonskommissjonen av 1680 paa "prestehald og deres forberedelse som derudi agter at indtræde." Dei utarbeidde eit serlegt framlegg som sikta paa tvo ting: a) ein streng kontroll med presteemni i overgangstidi fraa universitetet til prestegjerningi. b) Ein god kyrkjeleg orden med prestekallingi, soleis at kyrkjelydane framleides fekk hava sin kallsrett, eller rettare sagt, gjeva kvar sitt: "Kongen kalder og konfirmerer, menigheden nævner, og ministerium prøver, examinerer og ordinerer."<sup>42)</sup>

Det galdt aa gjeva dei kyrkjelege krav og umsyn sin sjølvstenduge rett ved sida av dei akademiske studiene, og ikkje minst i tilhøve til den verdsleggjorte prestekallspraksis. Og det galdt aa vekkja hjaa dei unge prestemni personleg andsvarskjensla og aa tilskunda deim til vidaregaande studier.

Den fyrr nemnde planen um eit kandidatseminar vart her utbygt soleis: I kvart bispedøme skulde det innrettast eit "seminarium af dennem som tragte efter prædikeembedet". Sosnart dei teologiske kandidatane kom fraa universitetet, skulde dei stellast under kyrkjeleg jurisdiksjon og innskrivast av biskopen i ein seminarie-matrikel. Denne innskriving skulde fyregaa offentleg paa synoden eller landemadet for bispedmøet, og der hadde dei aa leggja fram ikkje berre sinæ publica testimonia facultatis theologico, men ogso attestar "om skikkelighed, endog udi klædedragt, fra de steder hvor de sig imidlertid have oppholdt." Kvart aar skulde dei møta

fram paa landemødet, syna attestar um sin vandel, og vitnemaal fraa prestane der dei heldt til, um dei preikor dei hadde halde, med spesifikasjon av tid og tekster; i nærvær av prostane skulde dei eksaminerast av lector theologiae, og eksaminasjonenprotokoll-erast. - Forutan desse medlemmer av seminariet, som ikkje fekk sikta høgare enn til underordna stillingar i skule og kyrkja, skulde det millom kapellanar og lægre skuletenestemenner uttakast 10-12 ugifte personar med minst tvo aars tenestetid, og elles andre som ved scripta publica, disputationes et collegia hadde gjort seg "meriterede" innan- eller utanlands. Desse skulde tilhaldast aa disputera aarleg offentleg paa landemødet under praesidium av lector theologiae eller ein av prostane, og det over artiklar av Confessio Augustana og andre viktuge corollaria som var approbert av biskopen. Millom desse 10-12 skulde det ved lutkasting veljast 3 til aa halda prøvepreikor i ledige kall, anten kalli høyrde under offentlegt eller privat patronat.

Den rett til aa velja prest, som etter ordinansen tilkom kyrkjelydane - gjennom ei valnemnd paa 7 mann - var blitt so sterkt kring-skoren under einveldet, dels av kongen, dels av private patronar, at det var sogodtsom ingen ting igjen av han. Dei geistlege medlemene i lovrevisjonskommisjonen vilde gjeva kyrkjelyden varretten tilbake - med nokor avgrensing - valnemndi skulde ikkje oppnemnst av kyrkjelyden sjølv, men av 16-20 "skikkeligste sognemænd" som provsten paa fyrehand hadde utpeika; og prest fekk veljast berre millom dei 3 umhugsamt utpeikte kandidatane fraa seminariet. Ogso i patronatskall skulde det haldast presteval etter ordinansen.

Med eit framlegg som dette vona dei geistlege medlemene av lovrevisjonskommisjonen at ein skulde kunna faa avskaffa misbruki ved prestekalling og paa same tid tilgodesjaa retten aat den einvelduge kongen og kyrkja, overflødiggjera supplikasjonsreisor til Kjøbenhavn som var so kostesame for kandidatane, - og ikkje minst, at "Guds kirke blev forsynet med gode prester og disse imod fristelser forsikrede, at de lovlig og af Gud selv vare komne til deres embede." Med slike seminar vilde ein oppnaa, at "ungdommen kom fra en inspection til en anden (d.c. fraa universitetet til kyrkja), ti det er fornøden at folk examineres tidt og ofte udi saa gudeligt et verk." 43)

Dei verdslege kommissarane hadde sine store tvil um planen var brukleg eller tenleg, og det vart m.a. hevda, at um ein innførte fleire examina enn dei som var i bruk (examen artium, ex. philosophicum, ex. theologicum, bispeexamen), so vilde mange "give sig af bogen

Resultatet vart difor at Lovboki ikkje gjorde synderleg andre forandringar<sup>45)</sup> i dei gjeldande reglane um prestekall og prøving av prestemni<sup>46)</sup> enn dei som einveldet hadde ført med seg. Dei avgjerande prøvar vart som fyrr ecamen theologicum ved Universitetet med den tilhøyrande homiletiske prøva, og dinæst bispeeksamen. Men lovboki tok upp fraa seminarieframlegget kravet um, at den som vart kalla lengere tid etter sin teologiske eksamen, skulde fyreleggja attestar fraa prest og prost, at han hadde ført ein skikkeleg livnad og hadde øvt seg paa preikestolen.<sup>47)</sup> - Prøve-preika av fleire kandidatar for kyrkjelyden fall naturlegvis burt. Men etter biskop Baggers ynskje fekk kyrkjelyden høve til aa høyra den kallte preika og til eventuelt aa uttala seg imot honom fyre bispeeksamen<sup>48)</sup> - ein forkastingsrett som det i praksis sjeldan vart bruk for.<sup>49)</sup>

Fraa geistleg sida i lovrevisjonskommisjonen kom det vidare ymse framlegg um nye lovfyresegner:

Barndaap: at barn av ukjent person, som kom ut paa landet og fødd(e), skulde døypast som uekte, med mindre ekte fødsel var prova. - Ikkje vedteke.

At ingen katolikk kunde staa fadder. - Ikkje vedteke.

(Ved reskrift av 1690 vart det forlangt at fadderar skulde tilhøyra den offisielle konfesjon; andre fekk staa ved daapen, men ikkje skrivast som fadderar i kyrkjebøkene.)<sup>50)</sup>

Skriftemaa: At presten maatte sleppa straff um han for aa hindra ulukka namngav personen som hadde openberra saki for honom i skriftemaalet. - Ikkje vedteke.<sup>51)</sup>

Kyrketukt: Alle var samde um aa fyreslaa ei skjerping av kyrkjedisiplinen, soleis at den som vanvyrde den fyreskrivne aatvaring av prest og medhjelparar, skulde "henvises med bevisligheder til den verdslig øvrighed til straf paa penge, paa fængsel eller spindehuset efter forseelsens omstændighed". Denne paragrafen kom ikkje inn i lovboki, som nøgde seg med pengebot og deretter trugsmaal um bann (2-9-10)

Altargang: At nattverdgjester paa landet skulde melda seg til presten otte dagar i fyrevegen, for at dei betre kunde "betænke sin salighedssag" og presten vera viss paa at dei var vel fyrebudde. - Ikkje vedteke.

Dei geistlege bad um, at altarsakramentet berre maatte administrerast i kyrkja ved høgmessesegudstenesta og ingen annan tid og stad.

Giftarmaal: At utansokns brudefolk skulde ha skotsmaal fraa presten paa heimstaden. - Ikkje vedteke.

Gravlegging: At prestane paa landet skulde ha godtgjersla for aa kasta jord paa den daude. - Ikkje vedteke, men uttry-keleg forbode (2-10-1).

Katekismeundervisning: At siste luten av aftansongspreika i kjøpstaderne skulde nyttast til forklaaring av barnelærdomen. Uppteke i lovi (2-4-15).

Dei geistlege vilde ha avskaffa tolvpreika i kjøpstaderne og tidi i staden brukt til katekismeoverhøyring av ungdom og tenestefolk. - Dei andre kommisssarane var imot dette, heldt fast ved tolvpreika som katekisme-preika og fyreslo ogso katekisme-preika til aftansong um laurdagen - Dette vart lov (2-4-16).

Presteembete: Alle var samde um aa formilda regelen fraa Recessen um embetsfortaping for drukkenskap, soleis at denne straff ikkje galdt drukkenskap i det heile, men berre i embetsgjerningi. Uppteke i lovi.

Presteenkjor: Den aarlege pensjonen av prestekallet til ugift presteenkja vart sett ned fra 1/6 til 1/8. - Uppteke i lovi.

Deknar: Kommisjonen var samd um, at "løbedegne" burde avskaffast og "sædedegne" tilsetjast overalt. - Lovi kravde faste deknar (studentar).

At deknane skulde lesa med borni 1 gong i vika ikkje berre paa landet, men ogso i kjøpstaderne. Ikkje uppteke i lovi <sup>52)</sup>

Biskopar: Bespevigsla burde skje anten hjaa nærmaste biskop eller i Kjøbenhavn ved Sjællands biskop. - Det siste alternativ vart lov.

Same pensjon for bispeenkjor som for presteenkjor var fyreslaatt av dei geistlege. - Uppteke i lovi.

Skular: Kommisjonen dryfte reduksjon av skulane ved aa leggja ned latinskulane i smaa kjøpstader og skipa danske skular istaden. Meiningane um dette var delt, ogso millom dei geistlege medlemene - Lovi opna høve til reduksjon.

Hospital: Dei geistlege fyreslo, at hospitalsforstandarane skulde utnemnast av stiftamtman og biskop som inspektørar. - Uppteke i lovi, under kgl. konfirmasjon.

Enno innan den trekje revisjonskommisjonen var heilt ferdug med sitt arbeid, <sup>53)</sup> vart det i 1681 oppnemnt ein 4de og siste revisjonskommisjon paa 4 verdslege medlemmer. Dei gjorde ymse brigde og tillegg ogso i 2dre bok.

Kongen godkjente det nye utkastet som lov 3. januar 1682 og baud at det skulde prentast. Lovboki, Kong Christian den Femtis

Danske Lov, vart publisert under datum 15. april 1683.

Kort etter at den tredje revisjonskommisjonen for den danske lov var gaatt igang med sitt arbeid, meddelte kongen (10. april 1680) at han "allernaadigst for godt haver befundet den norske lov den danske at lade annectere", <sup>54)</sup> og paala kommisjonen aa revidere Norske Lov saman med 4 nordmenn som kongen samtidig oppnemnde, og som skulde koma ned til Kjøbenhavn. - Men dette daudfødde <sup>55)</sup> projektet vart straks etter oppgjeve <sup>56)</sup>, daa kongen forstod det vilde taka altfor lang tid, og han bestemte seg for aa nedsetja ein sjølvstendig lovkommisjon i Noreg.

Ved reskript av 5. juni 1680 <sup>57)</sup> overdrog kongen til den norske stadhaldaren M.F. Gyldenløve aa oppnemna medlemene. Kommisjonen skulde forfatta ei prossesslov for Noreg, taka for seg Noregs eldre lover, recessar, kyrkjeordinans og kongelege forordningar, forandra og setja til det som kunde tena til aalmenn og god 'bbservants over det hele rige" og høva med arveregjeringi. - Um verksemd i aat denne kommisjonen veit ein saare lite, og han fekk ikkje noko utkast i stand. Me veit ikkje eingong med vissa, kven alle medlemene var, i alle fall var det ingen geitlege.

Kongen var misnøgd med at arbeidet gjekk smaatt, og nedsette 14. januar 1682 <sup>58)</sup> ein ny norsk lovkommisjon med 4 verdslege medlemmer, oppnemnt 22. mars 1682 <sup>59)</sup> - kanskje dei same som var med i den fyrste - og paala deim aa gjera arbeidet i Kjøbenhavn paa det kgl. slott og aa innlevera sitt lovutkast bok for bok etterkvart som det vart ferdugt.

Samtidig paala kongen, 4. febr. 1682, biskopane i Noreg aa gjenomgaa den norske kyrkjeordinansen, og med største flik og sindighed overveie, om noget til dens forandring eller forbedring kunde være at erindre", og senda inn "betenkende" til kongen innan ein maanad. Tri av fraasegnene er til, fraa biskopane i Christiania, Stavanger og Trondheim <sup>60)</sup>. Biskopen i Christiania Hans Rosing sendte inn eit fullstendig utkast til ny kyrkjeordinans, inndelt og ordna som ordinansen av 1607. Fraa biskop Jacob Jensen Jersin i Stavanger kom det utførlege merknader til einskilte punkt.

Kommisjonen fullførte sitt utkast innan den fastsette frist, til utgangen av aaret 1682. Den eigenlege forfattaren av lovutkastet er visstnok Jens Alexanderson Hoppener, borgarmeister i Christiania og sekretær i kommisjonen. Han hadde studert dei gamle norske lover og den nasjonale rett, og hadde (etter eige tiltak) gjort fyrearbeid til den norske lovbooki. <sup>61)</sup>

Utkastet til ny norsk lov var likesom det danske inndelt i 6 bøker, og andre boki handlar likesom der "om Geistligheden".

I samhøve med sitt oppdrag la kommisjonen systemet for det danske lovverket til grunn for den norske lovbook. Serleg gjeld dette 2dre bok, som kapitel for kapitel svarar til den danske lovi. Dei fleste forandringar her (i utkastet) er slike som fylgde av Noregs sereigne vilkaar, og dei vart difor upptekne i lovbook. Men der er ogso gjort ikkje faa andre framlegg til forandringar og tillegg. <sup>62)</sup> - Etter alt aa døma ligg fraasegnerne fraa biskopane i Noreg til grunn for det serlege stoffet som det norske utkastet til 2dre bok hev framfor det danske.

Til aa revidera det norske utkastet vart det 23. januar 1683 nedsett ein dansk kommisjon paa 6 medlemmer <sup>63)</sup>. Dei fleste hadde vore med i dei danske lovkommisjonane. Tvo av medlemene i den norske kommisjonen vart paalagt aa møta i den danske revisjonskommisjonen og gjeva forklaaringar og opplysningar naar det vart ynskt. <sup>64)</sup>

Den danske kommisjonen tok saki paa sin maate, la ikkje det norske projekt til grunn, men gjekk ut fraa Danske Lov og utarbeidde eit nytt utkast til dei tri fyrste bøkene. <sup>65)</sup> Dei norske kommissarane var med ved revisjonen av 1ste bok, men ikkje vidare, og fekk løyve til aa fara heim <sup>66)</sup>.

Til andre boki, som vart gjennomgaatt tvo gonger av dei danske kommissarane aaleine, fyreligg det tvo innbyrdes litt avvikande utkast. <sup>67)</sup>

Til aa gjennomgaa utkastet fraa den danske revisjonskommisjonen nedsette kongen 11. oktober 1684 ein norsk revisjonskommisjon paa 8 verdslege medlemmer <sup>68)</sup>. Same dag fekk biskopane i Noreg paalegg um aa treda saman med kommissarane ved fyrehavingi av 2dre bok <sup>69)</sup>. Uppgaava ved revisjonen var aa gjera merksam paa det i utkastet som ikkje kunde praktiserast i Noreg, eller paa slikt som kunde vera gløymt, "som til indbyggernes bedste kunde iagttages" <sup>70)</sup>. Men elles skulde uniformitet i baee rike mest mogeleg gjennomførast. Superintendentane skulde dessutan serleg vera merksame paa "om noget af den danske lov udi bemeldte anden bog end ydermere kunde tilrettis, som til Guds ære, kirkers og skolers fremtarv og det gemene beste kunde geraade".

Resultatet av arbeidet aat denne kommisjonen er ikkje lenger til, men forandringane lèt seg paavisa; dei største var i 2dre bok. <sup>71)</sup>

Deretter skulde den danske revisjonskommisjon (no 5 medlemmer)

gjenomgaa utkastet med dei norske merknadene. Det skjede 1685-87, og dermed fekk lovboki si endlege form. Heller ikkje dette arbeidet er lenger kjent, men gjennomgangen synest ikkje ha havt stor innverknad paa lovboki.

Kong Christian den Femtis Norske Lov vart publisert under datum 15. april 1687 og trod i kraft 29. september 1688. Lovi vart innført paa Færøyane 1688 og vart ogso etterhand delvis gjort gjeldande paa Island. <sup>72)</sup>

Christian Vs Noske Lov var ikkje nokor heilstøypt norsk lovbok, - ho kunde blitt det sosant projektet fraa den norske lovkommissionen av 1682 var blitt lovfesta <sup>73)</sup>. Men likesom Danske Lov var Norske Lov eit stort legislativt framsteg; lovbodi er for si tid frilynde, humane og enkle, og i juridisk umsyn er lovboki eit tidhøvelegt verk. <sup>74)</sup> Dei tvo lovene - danske og norske - er ikkje fullstendige lovbøker; eldre lover vedrørande rettstilhøve som lovboki anten ikkje eller berre ufullstendig regulerar, maa reknast for aa staa ved lag. <sup>75)</sup>

Her skal gjevast ei stutt oversyn over dei fyresegner som galdt kyrkja.

Jurisdiksjonen i kyrkjelege saker vart handsama ikkje i 2dre boki, men i 1ste boki kap. 2 um verneting. I det store og heile vart den gjeldande rettargangsorden staande ved lag. Geistlege saker mot prestar og deknar og skulemenn skulde fyrehavast fyre provsten og i andre instans fyre stiftsbefalingsmannen og superintendenten, likeins saker millom prest eller dekn og soknefolket vedrørande den kyrkjelege mynja. Superintendentar skuldetiltalast fyre kongens høgsterett. I 2dre bok (2-18-23) heiter det derimot at superintendentane skal stedast til ords for kongen i nærvær av 2-3 andre superintendentar eller andre som kongen forordnar - d.e. ein serleg domstol.

I verdslege saker, um eigedom, jord, aaker, eng, skog, gjeld o.s.v. skulde alle geistlege svara for verdsleg rett, men slike saker kunde forlikast fyre provsten. Ekteskapsaker skulde paa dømast av stiftsbefalingsmannen saman med dei nærmastbuande "lærde Mænd eller Sognepræster" (etter Ribeartt. 1542 §3-4). Kapitli er ikkje nemnt i lovboki, <sup>76)</sup> men i praksis kom dei til aa fungera som kyrkjelege domstolar som fyrr - i dei tilfelle daa stiftsbefalingsmannen med biskopen eller prestane er domstol.

Prestekall. Retten aat kyrkjelyden til aa høyre den nye embetskandidaten fyre bispeksamen o.

Ordinasjon vart i Norske Kommissjons Projekt avgrensa til patronatskall og skulde ikkje gjelda kall der kongen kalla presten. Men i sistnemnde tilfelle tilla NKP <sup>77)</sup> bispeeksamen større vekt, idet biskopen skulde melda det til kongen um den utnemnde ikkje viste seg "vel grundet i lærdommen" ved bispeeksamen. I Danske Revisjonskommisjon - likesom i DL - vart alle kall, patronatskall sovelsom dei kongen utnemnde prest til, stelt likt med umsyn paa retten aat kyrkjelyden til aa høyra vedkomande og i tilfelle aa forkasta han, og dette kom inn i Norske Lov.

Barnedaap. Regelen i den Norske Kyrkjeordinansen um skilnad millom ekte og uekte born vid daapen vart uppteken i NKP. og forandra i skjerpande leid. NL. fylgde her DL. som var enndaa skarpere (2-5-4).

Ekteskap. Eit framlegg i NKP at kapellanar ikkje maatte trulovast utan samtykke av soknapresten, vart stroke i lovi (2-8-2).

Likeins at det paa landet ved truloving og brudvigsla skulde vera tvo vitne um at der ikkje var slektskapshindringar.

Kyrkjjetukt. I 9de kapitel um kyrkjjetukti, som var teke fraa Recessen av 1643 (frd. av 1629), skaut NKP inn i paragrafen um refsing av synderne ei aatvaring til presten um, at han skulde skikka seg i gudsfrykt og eit rettvist huglag, og ikkje lata seg driva av vreide, hat eller private affektar, og ikkje føra nokon i vanrykte etter lause meldingar. Dette vart utelate (2-9-8).

Rettssak um tannsetjing skulde etter NKP kunna førast ikkje berre for den høgaste innanlandske domstolen i Noreg (Overhofretten), men ogsa til Høgsterett (i Danmark). I lovi vart Høgsterett stroken.

Etter den danske lovi vart det uppteke ein paragraf som var utelaten i NKP, um kyrkjjetukt over husbønder eller herskap som ligg i openberre synder, eller som utan orsak held sine tenarar burte fraa gudstenesta med arbeid paa helgedagar og bededagar (2-9-24).

Gravlegging. I Danmark kunde prestane baade i by og paa land taka imot betaling for likpreika, og regelen var teken upp i NKP. Men i NL vart denne retten stroken for landsprestane (2-10-1).



I 12te kapitlet um prestegardane og inntektene aat prestane vart det gjort skilnad millom dansk og norsk lov paa visse punkt. NL heldt uppe dei gamle norske reglane, at soknefolket skulde halda istand 3 hus paa prestegarden der det var bruklegt, og at inventaret skulde fylgja prestegarden; og lovi løyvde pengehjelp av kyrkjorne til oppattbygging av nedbrende prestegardar. Men NL tok ikkje opp den danske skipnaden at prestane sjølve skulde kjøpa prestegardshusi.

NKP fyreslo at det skulde skaffast høvelege prestegardar i kjøpstaderne, "med et bekvemt studerekammer", men det kom ikkje inn i lovi.

Um dei prestelege rettigheter gav NL utførlegare fyreskrifter som regulerte kva og kor mykje prestane kunde taka og aalmugen gjeva (2-13-7,8); men dessutan skulde det vera tillate soknefolket paa landet friviljug "at betænke videre sin Siælesørger efter Formue" (2-13-9), og bøndene skulde yta prest og dekn skyss og nattehald paa reisa til langt fraaliggjande kyrkjer (2-13-10).

Ein streng regel, at presten skulde staa til rette for eigedom som kom burt fraa prestebolet ved hans forsøming, var fyreslaatt i NKP, men vart rekna for overflødig og kom ikkje inn i lovi (2-13-11).

Um naadeaaret og underhald for presteenkjor innhenda den danske Revisjonskommisjonen fraasegner fraa biskopane i Noreg. Soleis kom lovi (2-13-1 til 5) til aa innehalda meir detaljerte og presise reglar enn NKP (2-13 1 og 2) <sup>78)</sup>. At presteenkjorne skulde ha den beste garden av prestebordsgodset til enkesate, var fyreslaatt i NKP, og utelate av DRK <sup>79)</sup>, men regelen vart teken inn i NL og presisert.

Ein artikkel i DL um skattefridom for presteenkjor som sette seg ned i kjøpstaderne, var ikkje medteken i NKP, men vart innsett av DRK og fekk plass i lovi (2-13-9).

For personelle kapellanar, som vart overflødige i kallet ved presteskifte <sup>80)</sup>, vilde NKP syta ved aa paaleggja den nye presten aa underhalda kapellanen til han fekk onnor tenesta; DRK utelet artikkelen, men han kom inn i lovi i forbetra form.

NKP vilde vidare trygda uforandra inntekt for kapellanar i kjøpstaderne, og forbetra inntektene for daaleg avlønnte residerande kapellanar paa landet (2-13-13). Men desse fyresegner vart strokne av DRK (2-13-14 i.f.).

Um deknar hadde NKP fyreslaatt at det "til klokkere eller degner skal helst forordnes studenter, om de dertil findes"<sup>81)</sup>, og biskopen skulde prøva vedkomande korleis han forstod katekisma

og kunde syngja. Men baade og Danske og Norske Lov innførte den regelen, at dertil "skal herefter allene for ordnis studentere, om de dertil findes " (2-15-1) og strauk prøva hos biskopen. At deknane skulde kallast av soknepresten med samtykke av provst og seks soknemenn, vart fyreslaatt i NKP, men stroke av DRK.

Um undervisningi aat deknene vart den gamle fyreskrift fraa Kyrkjeordinansen <sup>82)</sup>, som var uppteki av NKP, forbedra av DRK og i lovi, soleis, at der skulde vera dekneskule tvo gonger i vika, nemleg sundag (i kyrkja) og ein søknedag "hvor det ske kan (2-15-2). - Derimot vart det i NL stroke eit nyttigt paalegg til soknepresten um aa føra tilsyn med deknenundervisningi og "som oftete selv undervise" ungdomen. Um bustader og inntekter for deknane gav NL etter framlegg av DRK nøgnare fyreskrifter enn den reint aalmenne i NKP (2-6-1).

Um provstevisitas fyreslo NKP (2-16-8) at provstane ogso aarleg skulde visitera skulane i kjøpstaderne utanfor bispestaden. Artikelen vart stroken av DRK.

Geistlege møte vart fyreslaatt - prestemøte i provstedømi av NKP og DRK, og dessutan aarlege provstemøte av DRK <sup>83)</sup>. Men i lovi vart baae artiklar utelatt - kongen sjølv vilde nok avgjera naar det skulde haldast slike forsamlingar.

At dei geistlege enkjor skulde ha rett til annus refusionis av den etterkomande embetsinnehavaren, vart fyreslaatt i NKP (2-18-24) <sup>84)</sup>, men stroke av DRK, og i Lovi.

Skulane. NKP fyreslo at rektorar og konrektorar ved dei fire stiftsskulane skulde utnemnst av Kongen, men ved dei smaa skulane av superintendenten (2-18-2) <sup>85)</sup>. Men DRK og NL heldt fast paa den eldre ordning at superintendenten tilskikka skulemeistrane ved alle skular.

I NKP vart det vidare fyreslaatt ei rekkja gode fyresegner vedrørande skulane (2-18-3, 9, 10, 11, 12), dei fleste etter NKO <sup>86)</sup>: um overflytjing av disiplar fraa dei smaa skulane til dei store, oppflytjing i klassorne, utmelding or skulen, tilsyn av biskop, provst, sokneprest med skulane, sovel med undervisningi som med inntektene, og um ei fast ordning med betaling for song av skulane ved jordeferd og musikk ved brudevigslor.

Forvitnelegt er eit framlegg (2-18-20) som skreiv seg fraa biskop Jersin i Stavanger, um at det i kvar kjøpstad skulde skipast ein serleg skule for fattige folks born, som ikkje hadde noko aa betala med. Øvrigheiti skal skaffa fritt hus til skulen, med bustad for skulemeisteren, og ei viss løn for honom av byen.

I skulen skal det undervisast i lesnad og skrivning og den kristne barnelærdomen, 4 timar um dagen; borni skal ha "tid til at gaa omkring og bede godt folk om almisse til deris underholdning." Skulemeisteren og borni skal møta minst 3 gonger i aaret til overhøyring i kyrkja. Soknepresten skal ha uppsyn med skulemeisteren, hans flit og livnad, og kann avsetja han og innsetje ein annan. Øvrigheiti skal syta for, at alle fatige born søker denne skulen, og forvisa or byen dei foreldre som ikkje vil senda borni sine til skulen. Fattigskuleborni skal bera eit kjenneteikn og ha einerett til aa gaa og beda um almisse; dei som ikkje hadde teikn, skulde "hudstryges". - Ogso dette framlegg vart stroke av DRK - utan tvil for uniformiteten skuld - og kom ikkje inn i NL.

Um fattige fyreslo NKP - etter NKO(81a). - kjenneteikn for tiggjarar, og paalegg til øvrigheiti um skipnad med fattigforsorg. Dette vart stroke i DRK.

Etter DL innførte NL spesiell censur over skrifter, "Kongens Høihed, Regæringen eller Politien angaaende" (DL 2-20-2, 4 = NL 2-20-2, 4).

NKP gav tydeleg forklaaring paa skilnaden millom "Kirkernes forsvar" og "Kirkernes tilsynsmænd". Kyrkjeforsvaret er stiftamtmen, amtmenn, superintendentar, eller innehavarar av patronalsrett. Kyrkjetilsynsmenn er i kjøpstaderne byøvrigheiti, sokneprest og kyrkjevevjer, paa landet provst, prest, stiftsskrivar og kyrkjevevjer. DRK forandra alt dette til "de som kongen haver forordnet til at have tilsyn med kirkerne og være deris forsvar (2-21-1).

I NKP er ymse plikter tillagt stiftsskrivarane, og deira godtgjersla er regulert. Men i DRK og NL er alt um stiftsskrivarane stroke, og stiftsskrivarane i det heile ikkje umtala - i Danmark var nemleg stiftsskrivarembeti oppheva i 1677 <sup>87)</sup>.

Retten til aa utnemna kyrkjevevjer var i NKP tillagt provst, prest og stiftsskrivar eller patron, men DRK overførte retten til kyrkjeforsvaret (2-21-10).

Ein regel um inndriving av uforpakta kyrkjeinntekter vart fyreslaatt i NKP (2-21-12), men stroken i DRK. Um burtfesting og forvaltning av tienden fyreslo NKP ein regel (2-21-17), DRK utførligare reglar (2-21-17 til 23), men ingen av dei kom inn i lovi. Derimot upptok lovi fraa DRK tri artiklar um burtfesting av tiende i visse serlege fall, um burtfesting av bondejord tilhøyrande

kyrkjor, og um rett for prestar og deknar til aa festa kyrkjejord.

Av dei utførleg detaljerte fyreskriftene i C4s recess um forvaltingi av tiende og jordegods etc. tilhøyrande kyrkjerne hadde NKP utelate det meste. DRK tok upp ei heil rekkja av fyresegnene, tildels med modifikasjonar. Eit utval av desse kom inn i lovi.

Um gravstader paa landet fyreslo NKP at aalmugen skulde ha fri gravstad paa kyrkjegarden <sup>88)</sup>, - det vart stroke. DRK og Lovi sette til, at det skulde betalast til kyrkja for aa faa setja upp gravstein eller anna monument.

Regelen um kyrkjerne si skatteplikt i NKP vart av DRK supplert med ei serleg fyreskrift for kyrkjepatronar (NL 2-21-45).

NKP fyreslo at aalmugen skulde halda vedlike kyrkjegardgjerdet <sup>89)</sup> - kvar bonde sitt stykke - (etter gamal norsk skikk?) (2-21-55). Dette strauk DRK.

Siste kapitlet, um fienden, gjenomgjekk mange forandringar, fyrr det fekk si form. - Av tiendeslagi som var upprekna i DL (2-23-1) strauk NL (2-22-1) vikker, men tok upp torebygg og lamp og lin.

Fisketiende skulde leverast ved fiskeværi, fyrr fiskarane drog heim, og ingen maatte kjøpa fisken fyrr tienden var svara. Av fisketiende av utanbygds folk skulde prest og kyrkja der fisken var fallen ha helvti, andre helvti prest og kyrkja i heimbygdi (2-22-5). - DRK (2-22-5, 6) vilde ha innført i Noreg den danske skikken med aa oppkrevja tiendekornet utrøska paa aakeren, men det gjekk ikkje. - NKP fyreslo at tienden skulde fastsetjast i eit tiendemøte, der aalmugen skulde innkallast og gjeva upp sin tiende for sorenskrivaren og 6 lagrettemenner i nærvar av futen, presten og stiftsskrivaren, og tiendemanntal utferdast. Vidare fyreslo NKP gode reglar um levering av tiendekornet, ogso til kongen (2-22-8, 9, 10), men dei vart strokne. - Reglane um tiendesvik i NKP vart noko forenkla i DRK og NL.

NL forbauð prestar og futar og offiserar aa halda nokon (deim tilhøyrande) bondegard fri for tiende (2-22-11), - paala kjøpstaderne tiendeplikt av sin "avl" (kjøpstadtienden skulde delast likt millom kyrkja og prest, ingenting til kongen) (2-22-10), og tok upp den danske regelen um pengeskatt til kyrkja av tiendefrie husmenn, inderster og ungkarar (2-22-12). - DRK vilde ogso ha med den danske regelen, at prest og kyrkjeverjor skulde traktera bønderne med tvo tunnor øl i gildeshuset naar dei tok imot tienden, men dette kom ikkje inn i NL.

I 6te bok, um misgjerningar, er serleg dei tri fyrste og det 9de kapitel av kyrkjeleg interesse. Det 1ste handlar um "vildfarende lære, gudsbespottelse og troldom". Artiklane um villfarende lære er fyrr umtala. Dei tvo artiklane um gudsspotting er heilt nye. Art. 7 og 8 citerast.

Av dei fem artiklane um troldom var dei tri uforandra tekne frå recessen av 1643 som<sup>90)</sup> samlar dei eldre straffehad. for pakt med djevelen og signekunster; tvo var nye og sette eigedomstap og livsvarigt fengsel eller spinnehus for aa bruka "galne indbildede konster" til aa forgjera og skada nokon. - Andre kapitlet, um sverjing og banning, er teke fraa recessen 1643 og supplert. - Tridje kapitlet, "om helligbrøde", er og mest henta fraa recessen 1643 og supplert. Det fyreskriv ymse straffer for aa forsøma gudstenesta og for aa arbeida um helgedagane, og gavpaalegg til husbønder og øvrigheit um aa halda sine undergjevne til kyrkja og ikkje hindra deim derifraa med arbeid - sette eigedomstap og ymse straffer for aa driva handel og aa selja og skjenkja rusdrykk paa helgedagar og bededagar, og aa leika og halda kommers på kyrkjegardane og i joli og i fastetidi. - Niande kapitlet handlar um husfred, kyrkjefred, tingfred, vegfred. Reglane um kyrkjefred er tekne fraa Christian III's forordning av 1558. - Dei her umtalte reglane er heilt like i D og NL.

NOTER TIL XII. 11. Christian V's lover

- 1) L.M.B. Aubert, De norske Retskilder I, 66-73
- 2) Forarbeiderne til Christian V's Danske Lov, ved Secher og Støckel, I, s. 7
- 3) DK1 III nr 433
- 4) Forarb. I, s. 10-11
- 5) Forarb. I, s. 11-39
- 6) s. 179 n. 10, jfr. 174
- 7) s. 178
- 8) s. 258
- 9) s. 336
- 10) s. 291
- 11) s. 305
- 12) s. 290
- 13) Fabricius s. 100-5
- 14) DBL XIX, 27
- 15) Fabricius 248-67
- 16) Forarb. I, s. 362-3
- 17) I, s. 365-9
- 18) I, s. 367
- 19) I, s. 374-5
- 20) II, s. 267
- 21) II, s. 272
- 22) II, s. 292
- 23) F. II
- 24) Utdrag av Aubert i N. Theol. T.N.R.IV. jfr. også F.II, 533-4
- 25) F. I, 560
- 26) Aubert 580-6. Hører til 1ste Projekt 2-21 (F I, 560), men synes ikke vera nytta av Secher i F.
- 27) F. II, 321. Aubert 575
- 28) fyrst stod her: Ambrosii, som i framand-artiklane av 1569
- 29) Dette stykke, men ikkje det fylgjande, gjekk over i lovboki (2-1)
- 30) N.th.T. N.R.IV, 575. Forarb. II, 321-2
- 31) Framandartiklane 1569 (DK1 II, 128) rekna upp "den hellige Kirkes symbola, som ere det Apostoliske, Nicæniske, og Ambrosii (Athanasii), item den Ausborgiske bekjendelse."
- 32) Aubert 591. 592 = F. II
- 33) F. II, 457. 461. 463. 464.
- 34) H. Bagger, S. Glud, E. Grave, Th. Kingo
- 35) H. Rosing i Christiania: N. Theol. T. 3II, 461-64. 25. sept. 1680

- 36) Helveg I, 502-4, Khs 3 III, 146-7
- 37) F II, 385
- 38) F II, 508
- 39) D+N L. 6-1-1-6
- 40) DK1 III nr 575
- 41) Helveg I, 506. Fogtman II, 307, nemner berre Fridericia.
- 42) Aubert s. 589
- 43) Chr. Vold. F II, 467
- 44) F II, 465
- 45) jfr. F II, 521
- 46) II-2-1.2.3 -20-5.6.7
- 47) 2-2-2
- 48) 2-3-2
- 49) Førdam, Valget s. 50
- 50) Aubert 603
- 51) Aubert 603
- 52) Aubert 603
- 53) Forarbeiderne til CVs Norske Lov s. XLII-XLIII
- 54) A. Taranger. Udsigt <sup>2</sup>I, 77
- 55) Forarb. XLIV-XLV
- 56) Forarb. XLV-XLVII
- 57) Forarb. XLVIII
- 58) Forarb. XLIX-L
- 59) Forarb. XLIX
- 60) Taranger. Udsigt <sup>2</sup>I, 79-80
- 61) Spesifisert av Aubert, Retskilder 344ff.
- 62) Forarb. LIII-LIV
- 63) Forarb. LV
- 64) s. XXIV
- 65) Forarb. LVII 17/3. LVIII 25/5
- 66) Taranger. Udsigt <sup>2</sup>I, 81
- 67) Forarb. LXI-LXIV
- 68) s. LXV
- 69) s. XXVIII
- 70) Aubert, Retskilder. 361-2. 363
- 71) Aubert 104
- 72) Taranger 82
- 73) s. 76. 82
- 74) s. 83
- 75) Kapitli er nemnat ein stad i fyrearb. til DL
- 76) etter Rosing
- 77) Rosing
- 78) Rosing

- 79) Rosing
- 80) Rosing
- 81) Rosing
- 82) s. 188
- 83) Rosing
- 84) Rosing
- 85) Aubert 345
- 86) DK1 III nr. 522
- 87) (2-21-24)
- 88) Rosing
- 89) tok upp att rec. 12/10 1617



## Kap. XII. 12. Christian V's liturgiske bøker

Dei rituelle fyreskrifter i kyrkjeordinansane vart ikkje upptekne i lovbøkene, men utskilt og samla i ei serleg rituell lovbok, felles for baare rike. Arbeidet med det nye "kirkeritual" overdrog kongen 9. sept. 1682 til fire danske geistlege og teologar: Sjællands biskop dr. Hans Bagger, kgl. konfesjonarius og hovpredikant dr. Hans Leth, biskopen over Fyn dr. Thomas Kingo, og stiftsprost i Kjøbenhavn, sidan biskop i Aalborg M. Henrik Bornemann.

Dei gamle fyreskriftene for gudstenesta og dei kyrkjelege handlingane vart no samla og tilskipa i ein betre og laglegare orden, og auka med visse nye bolkar. Paa fleire punkt i det gamle vart det gjort forandringar og suppleringar, men nokor gjennomgripande umskipping var det ikkje tale um, - meir um ein kodifikasjon og revisjon. Det gjekk det rykte, at kongen vilde forandra kyrkjeskikkane, men biskop Bagger forsvara Ritualet i ein synadaltale i Roskilde, der han opplyste at "ingenting var brigda fraa det gamle, og ingenting tillagt fraa nytt, utan det som alt var bruklegt eller som kunde tena betre til aa fremja god orden." 1)

I Ritualet er uppteke ikkje berre det som strengt teke vedrører det rituelle, men ogso mangt som høyrer til kyrkjeretten - etter lovboki - , dogmatiske utgreidingar og pastorale tilvisningar. 2)

Hovedmannen for arbeidet var biskop Bagger, - han utarbeidde det utkastet som vart lagt til grunn. Men det vart ogso forfatta eit anna projekt, - me veit ikkje av kven. 3)

I 1684-85 vart Ritualutkasti gjennomgaa-t av den danske lovrevisjonskommisjon for den norske lovboki. Kommisjonen var samansett av berre lov-kunnige, men i tvilstilfelle samraadde dei seg med biskop Bagger, og som oftast gjorde hans meining utslaget. 4) Eit par spesielle punkt vart fyrelagt kongen sjølv. Kommisjonen gjennomgjekk Ritualet tvo gonger; dei fylgde Bagger's utkast, strauk eller forkorta sume ting, bytte eit og anna um med det tilsvarande i det andre projektet.

Kongen godkjente Ritualet 25. juli 1685. Det vart innført i Danmark ved forordning av 16. januar 1688, og i Noreg samtidig med Norske Lov ved forordning av 14. april 1688.

Ritualet er eit godt arbeid, og var i praktiskumsyn eit stort framsteg fraa ordinansen. Det fekk ei lang levetid, - i Noreg like til det vart avløyst av Altarboki av 1889, i Danmark til denne dag.

Um Ritualet ogso liturgisk set i alle maatar var ei vinning, kann det vera ulike meiningar um. Samanliknar ein det med dei liturgiske ordningane fraa reformasjonstidi, fell det i augo, at det i mange stykke er kome burt fraa den liturgiske tradisjon.

Det nye Ritualet rekna ikkje lenger med den gamle tidetenesta i nokor form. Bergenbogens ordning av dei kanoniske tidene i kapitel og kloster var alt falli burt i den norske kyrkjeordinansen av 1607, og no utelet Ritualet ogso kapitlet um dendaglege "børnesang og læsning i kirkerne" av skulane <sup>5)</sup>. - Til gjengjeld vart det i kapitlet um gudstenesta uppteke ein serleg artikkel um gudstenestor paa vikedagane, serleg dei ordinære bededagane fredag og onsdag. - Ritualet reknar elles med regelbunden kyrkjegang av skulane i byane til dei vanlege gudstenestorne, serleg høgmessa, og song av disiplane ved dei ymse slag tenestor.

### Kyrkjeaaret

Alle dei helgedagane som var fyreskrivne i ordinansane, vart uppehaldne ved Lovbøkene (2-4-5) og Ritualet, nemleg:  
alle sundagar,

dei tri Christi hovudhøgtider, i tri samfelde dagar,

Ny-Aars eller Christi Omskjærelses dag,

Hellig Tre Kongers eller Christi Aabenbarelses dag, 6. januar

Maria Renselses dag, 2. februar

Maria Bebudelses dag, 25. mars eller

palmelaudag, naar dagen  
fall på palmesundag eller  
seinare

Christi Himmelfarts dag

St. Hans Baptista dag, 24. juni

Maria Besøgelses dag, 2. juli

St. Mikkels dag, 29. september

Alle Helgens dag, 1. november

Dertil kom dei ordinære bededagane, som var forordna millombils i 1626 og stadig 1631, og innskjerpt i 1676 <sup>6)</sup>:

i kjøpstaderne kvar fredag, aaret rundt paa landet ein gong i maannden, fyrste onsdag eller torsdag i hovudsrekni, og den neste i annekset, leurdag i sjø- og fjellbygder i Noreg, og endeleg fastegudstenestor paa landet, kvar onsdag eller torsdag.

Dei ekstraordinære aalmenne bots- og bededagane, som hadde

vore tillyst ein gong um aaret kvart aar paa ymse tider (ulikt i Noreg og Danmark) tri dagar i senn, og med ymse tekster, var ikkje nemnt i Ritualet. Men ein kgl. forordning av 27. mars 1686 fyreskriv ein ekstraordinær bededag aa halda aarleg paa ein fast dag, 4de fredagen etter paaske <sup>7)</sup>. Denne eine bededagen <sup>8)</sup> avløyste dei eldre tridubbelte. Tidspunktet vart valt av biskop Bagger av omsyn til kongen, "som gjerne ved den tid om aaret gjør enten en eller anden reise og vilde dog helst forrette samme devotion (bededagen) hir (i Kjøbenhavn) førend han reiste." "Thi enddog den indfalder i bondens beste pløye- og sædetid, saa kan det dog lidet hindre for en dag." <sup>9)</sup>

I gudstenesta hadde det hittil vore brukt ikkje so lite latin - Nils Jesperssøns Gradual heldt fast ved latinsk liturgisk song i høgmessa, og ordinansane fyreskreiv full latinsk messa paa dei store hovudhøgtidene <sup>10)</sup>. Men paa dei fleste stader var latinen gaatt av bruk paa storhelgene <sup>11)</sup>, og dei gamle gradnalbøker var "af alde bortslidte og affaldne og næsten ikke mere at finde i kirkerne" <sup>12)</sup>. Revisjonskommissjonen som saag igjenom Ritualet, ovskaffa difor all latin i gudstenesta <sup>13)</sup>, - berre ved bispe- og prestevigsla fekk enno latinen ljoda (sjaa nedanfyre).

Den gudstenesteform som vart fastslegi ved Ritualet 1685, var ei folkeleg meninghetsgudstenesta. Dette kom til uttrykk ikkje berre i det, at dansken no hadde fortrengt latinen, men ogso i den liturgiske oppbygning, idet den reine salmemessa no vart fastslaatt som einaste gudstenesteform. Prinsippet fraa Luthers Deutsche Messe og den Danske Evangeliske Messe i Hans Thomissøns salmebok hadde sigra over den andre messetypen, som var utforma i Nils Jesperssøns Gradnal: messa paa folkemaalet Manda med latin og gregoriansk song.

Ritualet innførte lydeleg bøn av deknen til inngang og utgang ved gudstenesta - ikkje berre paa landet, som Bagger fyreslo, <sup>14)</sup> men ogso i byane - i det er dei enno brukelege klokkarbøner, som visstnok alt var komne i bruk i 1640-aari <sup>15)</sup>. At deknen skulde lesa bøni staa-ande i kordøri eller midt paa kyrkjegolv, vart forordna av revisjonskommissjonen <sup>16)</sup>.

Kommissjonen dryfta, um presten skulde lesa eller syngja fyre altaren, men etter samraad med biskop Bagger vart messesongen halden uppe <sup>17)</sup>.

Um preika tok kommissjonen inn i Ritualet fraa det andre projektet eit forbod mot at prestane rørte ved noko som galdt kongens regjering og statssaker - d.v.s. politiske spursmaal. <sup>18)</sup>

I ordinansane utgjorde nattverdritualet einlut av høgmesse-ritualet; derved vart understreka at høgmissa med nattverd var det normale, og nattverdlaus høgmissa eit undantak. - I Ritualet av 1685 vart nattverdritualet utskilt or kapitlet um høgmissa og dei andre sundagsgudstenestane og gjort til eit kapitel for seg - likesom for aa understreka at høgmissa utan kommunion var det vanlege.

Nattverdritualet var sterkt avkorta ved reformasjonen - præfasjon og Sanctus vart sungne berre i den latinske messa paa dei tri store høgtidsdagane. Med latinen fall desse leder heilt burt i Ritualet. 1685 (Dei vart oppatttekne i Noreg i 1889).

Utdelingsordi ved nattverden <sup>19)</sup> som var fyreskrivne av Christian IV i 1646, fekk ei tuvida form: Dette er Jesu sande legeme, Dette er Jesu sande blod. Dermed vart læra um real-præsensen understreka.

I utkastet til Ritualet var det fyreslaatt eit forbod mot at presten kommuniserte seg sjølv nattverdsakramentet. Revisjonskommisjonen vedtok tvo gonger aa stryka dette forbodet, men endskapen vart at det skulde staa <sup>20)</sup>.

Det vart forbode aa taka nokon av framand religion til altars, med mindre at han for presten hadde fraasagt seg sin fyrre religion<sup>21)</sup>.

Ved daapen kom spursmaalet um exorcismen uppatt. Revisjonskommisjonen vilde utelata han ved barnedaapen <sup>22)</sup>, likesom det var gjort i Ritualet ved vaksendaap <sup>23)</sup>. Men kongen samtykte i at exorcismen framleides skulde brukast ved barnedaap, daa denne ceremonien var brukleg elles næstan overalt i dei lutherske kyrkjor<sup>24)</sup>.

Med umsyn paa tidspunktet for barnedaap rekna Danske Lov med, at daapen vart halden etter at gudstenesta var slutt, men Ritualutkastet la barnedaapen inn i gudstenesta, millom preika og den fylgjande altartenesta, og med samtykke av kongen vart det so.<sup>25)</sup>

Likesom ordinansane inneheldt Ritualet rettleiding for presten med sjelesorg og undervisning for barselkvinnor, jordmødrar og kyrkjegangskonor. Um rettleidingi var mykje fyllugare, med bøner og pastorale formaningar, - soleis ei formaning i ll punkt som soknepresten 2 gonger aarleg skulde fyrelesa for jordmødrane i sakristiet eller koret i nærvær av medtruarane eller medhjelparane, og ein teneste-eid som jordmødrane skulde avleggja for magistraten i byane og amtmannen paa landet, vidare innleidingstalar for barselkvinnor som gjekk att i kyrkja. - Grunntanken i dette vakre kapitel er at kyrkja vil vekkja andsvarskjensla for barneliv framfor livsens herre og skapar og aa innprenta at moderkallet er eit heilag kall

og born ei Guds gaava.

Skriftemaal og avløyssning vart i Ritualet halde uppe i si nedervde form, likeins bann og avløyssning fraa bannet - alt med liknande ritus som fyreskrive i 1629. Der var same skilnad som fyrr millom løynlegt og openbert skrifte og avløyssning. - Ved kgl. ordinansar av 3. jan. 1671 og 1. nov. 1681 var militære <sup>26)</sup> - "nyttare og soldater" - som gjorde legermaal, fritekne for aa staa "Kirkens Diciplin" (d.e. openbert skrifte), men dette undantak var ikkje nemnt i Ritualet.

Det var ein ny regel, at Ritualet gjorde skriftemaal obligatorisk for alle nattverdgjester, ordinansane hadde ikkje paa den maaten sett skriftemaal og altargang i samband med kvarandre og gjort skriftemaalet til vilkaar for tilgjenge til nattverdbordet. No skulde klokkaren eller deknem under skriftemaalet vera tilstades i kyrkja og føra bok over dei skriftande, "paa det man kan kjende de forsømmelige".

Denne bokføring skulde òg tena til aa visa kor mykje brød og vin det turvtest til kommunionen, og av same grunn skulde presten halda tal paa dei skriftande.

Um skriftemaalet vilde revisjonskommisjonen ha fyreskrive embetsfortaping for presten for aa "overfuse eller afvise nogen synder fra skriftestolen"<sup>27)</sup>, um det vart ikkje medteke. Ritualet nøgde seg med ei aatvaring til presten um varsemnd og mildleik, og fyreskreiv at han skulde overtala dei ubotferdige til aa uppsetja sitt fyrehavande.<sup>28)</sup>

Um sjelesorg inneheldt ordinansane - forutan den fyrr nemnde rettleiding vedrørande barselkvinnor og jordmødrar og kyrkjegangskonor - tvo artiklar, ein um vanføre og fattige, ein um dødsdømte misgjerningsmenn. Ritualet hadde tvo tilsvarande utførlegare artiklar um sjuke og um fangar og dødsdømte, og tok dessutan upp tvo nye artiklar. Den eine handlar "om anfægtede"<sup>29)</sup> og gjev ei utførleg pastoral rettleiding um korleis presten skal hjelpa slike med trøyst og ljøs av Guds ord.

Den andre handlar "om de besatte og dennem som i en eller anden maade plages af djevelen eller hans onde redskab". Denne artikkel er av stor tidshistorisk interesse.

Ritualet gaar ut ifraa, at det fyrekjem djevlebesettelser, sjølv um dei "ere nu omstunder vare i Christenheden, siden den sterkere er kommen over den sterke... og siden Christus Jesus har bevist sin magt over Sathan og bundet hannem med sin ævige almagts lænke."

Ein bør ikkje "holde det for fabel, drømme, melankoliske griller eller anden sindsens urolighed, naar saadant høris iblant os, og ikke tænke, at vi nu ere aldeles fri for slige Sathans anfægtninger".<sup>30)</sup> Men paa den andre sida skal presten "være betænksom i sine domme", og "vel vide at gjøre forskjel paa slige Sathans gjerninger, saa at han ikke tager det ene for det andet og dømmer den at være besat, som enten ikkun utvortis plagis af djevelen, eller og ved forgift eller anden troldom er bragt i den tilstand, eller og maaske af en naturlig svaghed saaledes kan anstille sig, efterdi der ere adskillige sygdomme somudi et og andet ligner dem som ere besatte, saasom maanedsyge, raseri, den faldende syge og andre deslige."<sup>31)</sup> - I ritualutkastet var det uppteke eit stykke "om de kjendetegn som de besatte kan kjendes paa", men det vart utelate etter samraad med Bagger.<sup>32)</sup>

Ritualet fyreskreiv fylgjande framgangsmaate ved djevlebesettelse: Presten skal fyrst nøgje utforska tilfellet og melda det til biskopen, som tilskikkar nokre prestar derikring til skiftevis aa beda og lesa med "den anfægtede". Saman med nokre lækjarar skal desse prestane vitja den anfægtede og granska 1) um det er naturlig svaghed eller ei", og 2) "i siste fall, um det er "Sathans gøgelspil" eller um personen "vel kan eragtes at være legemlig besat av Djevelen", anten heile lekamen eller ein einskild lem. Ritualet uttalar, at ein ikkje kann taka feil i dette, sosant ein raadspør Guds ord og innrettar prøva deretter. Biskopen skal so forfatta ei serleg bøn "for den anfægtedes naadige befrielse" i den bøni skal presten lesa hos den anfægtede minst tvo gonger i vika saman med andre nærverande Guds born, og vener og husfolk skal lesa bøni kvar dag, og det skal gjerast bøn for mennesket fyre og etter preika i soknekyrkja og alle andre soknekyrkjor i byen eller i provstiet. - Dersom den anfægtede sjølv er skuld i sitt tilstand, anten fordi han hev inngaatt pakt med Satan, eller fordi han med onnor gudløysa hev gjeve Satan rom, skal presten formana honom av Guds ord og tilboda honom Guds naade. Er han utan orsak, er plaaga aa forstaa som rettferdig straff, og presten skal trøysta mennesket av Guds ord. - Og naar presten finn den anfægtede fyrebutt, kann han gjeva honom tilgjenge til nattverden.

' Fyreskriftene i Ritualet um djevlebesettelse vart siste gong brukt ved den store besettelsessak i Thisted i NordJylland 1696-98, av soknepresten M. Ole Bjørn (nordmann). Men den kritikk som var retta i mot den ortodokse djevletrui av den nederlandske teologen

Balthasar Bekker (De betoverde Wereld, 1691-93) hadde alt teke til aa gjera sin verknad blandt dei lærde i Danmark, og saki endte med at presten i 1698 av høgsterett vart dømt fraa kall og kjole og eigedom til livsvarigt fengsel, sidan formilda til landsforvisning.

Ritualet heldt fast ved truloving og brudvigsla som tvo serlege kyrkjelege akter - truloving i prestegarden eller heime i huset, brudvigsla i kyrkja (sundag eller kvar dag fyre kl 11). Det vart sett som vilkaar for ekteskapsvigsla, at brudfolki hadde vore til Guds bord.

Um gravlegging fyreskreiv Ritualet at likpreika ikkje maatte vara over 1 time. Presten skulde akta seg for "panegyrisk snak", paa den andre sida maatte han ikkje melde noko usømelegt um den daude, utan det var sant og viselegt, til aatvaring for andre. Ritualet innførte jordpaakasting, som vel tidlegare var i bruk<sup>33)</sup>, men ikkje er umtala i ordinansane. Folk av annan konfesjon skulde faa gravleggjast paa kyrkjegardane blandt andre avlidne, men utan jordpaakasting eller likpreika. Avretta misgjerningsmenn, sjølvmodarar, bannsette, og dei som var dømt til mindre mann, fekk heller ikkje jordpaakasting eller likpreika, og dei som vart drepne i duell maatte ikkje gravleggjast i vigd jord - i kyrkja eller kyrkjegard<sup>34)</sup>.

Ved bispevigsla og prestevigsla vart ceremoniane utforma vel so høgtdsamt som fyrr, - her skulde latinen framleides nyttast i salmen "Veni, sancte spiritus" og i kollekten, og ved bispevigsla dessutan i Davidssalmane 8 og 34. I vigsleakten vart innført det nye moment, at ordinator "overantvorder" ordinanden embetet i den trieinige Guds namn<sup>35)</sup>.

Ein ny ceremoni var provsteinnssetjing. Den skulde skje ved fyrste landemøde etter provstevalet, i nærvær av dei andre provstane, fyre altaren etter preika. Biskopen held ein liten tale, den valde avlegg eid, og biskopen "creerer hannem til provst" og fyreheld honom hans plikter. - I Noreg skulde ein i dette stykke halda seg til lovi (som ikkje fyreskreiv nokor provsteinnssetjing) og sedvanen (som ikkje er kjent).

Ritualet slutta med formularar for embetseid av provst, prest, skulerektor og dekn, - dei fyrste paa latin, den siste paa dansk.

Ritualet upptok mykje som alt var sagt i andre bok i lovi, og var langt utførlegare og fullstendigare i dei rituelle fyreskriftene og formularane enn ordinansane. Men paa den andre sida sakna Ritualet visse ting som hørde til det fyreskrivne ved kvar

gudstenesta, nemleg bønner og bibeltekster til dei einskilde dagane i kyrkjeåret. Desse fanst fyrr i den sokalla "Alterbog", som fyrst var utarbeidst av Peder Palladins. Biskop Bagger utarbeidde ei ny "Alterbog" til avløyning av den gamle. Den nye inneheldt kollektar, epistlar og evangelia paa festdagar, sundagar og bededagar, bønner som vart lesne paa preikestolen visse tider, litaniet, serlege kollektar, velsigningi, rituali for daap, nattverd, truloving, brudvigsla og jordfesting, Jesu lidingshistorie, katekisma (dei 5 partane utan Luthers forklaaringar); og tilslutt 17 stykk av Christian Vs lov (DL 2-5-25, og 6-2 og 3), nemleg av 2dre boki, kva for syndarar prestane skulde halda ifraa nattverden, og av 6te bok um banning, sverjing og heilagbrot - desse stykke skulde "til afsky for forargelige synder(e)" lesast upp paa preikestolane tvo gonger i aaret (4 sundag i advent og palmesundag), - eit paabod som hadde si tilsvarande fyreskrift i ordinansane.

Altarboki vart forsynt med ein lang og lærd fortale av biskop Bagger, med forsvar for kyrkjeskikkane paa grunnlag av den Heilage Skrift og den kyrkjelege tradisjon.

Altarboki vart godkjend av kongen og innført i baae rike ved forordning av 7. april 1688. Kongen let sidan salmebokkommissjonen av 1696 gjennomsjaa Altarboki.

Samtidig med ritual-revisjonen vart det ogso igangsett arbeid med ei ny bibelumstjning og ei ny kyrkjesalmebok.

Christian IIIIs danske kyrkjebibel av 1550 - som var umsett etter Luther-bibelen - var blitt lempeleg revidert og utgjeven paa nytt av Frederik II 1589 og Christian IV 1633. Desse tri utgaavor var alle i folioformat og staselegt utstyr med tresnitt-bilæte.

Ei fullstendig ny umsetjing etter grunnteksti vart utarbeidd av den lærde ortodokse professor Hans Povelssøn Resen, og utgjevi i oktavformat 1607. I motsetnad til kyrkjebibelen, som var eit andrehands arbeid, men utmerkte seg ved eit godt og folkelegt spraak, heldt Resens umsetjing seg strengt etter grunnteksti, var bokstavtru, men stiv og lærd, ein bibel for teologar meir enn for folket. Denne umsetjing vart gjevi ut paa nytt i 1647 av professor Hans Svane (Svaningins) (seinare erkebiskop) som saag ho igjenom og forbedra ho serleg i stilistisk umsyn.

Det var ei oppgaaava aa sameina fyremennene ved baae dei eldre bibelumsetjingane i ei ny umsetjing, som paa den eine sida skulde svara nøgje med grunnteksti og paa den andre sida vera klaar i meiningi



og ekte dansk i uttrykket. Ein bibelrevisjon i denne leid var paa-tenkt i Fredrik III's siste aar, men gikk istaa. Christian V tok planen upp att, og det vart gjort store fyrebuingar. Umsetjingsarbeidet overdrog kongen 19. juni 1683 til Sjællands biskop Hans Bagger og dei teologiske professorane Christian Nold og Jens Bireherad. Umsetjingi fylgde nærmast Resens. Mendaa arbeidet best var kome igang, døydde den eine etter den andre, tvo av umsetjarane og forleggjaren, og det heile gjekk istaa. Christian V's Bibel vart aldri fullført. I den nye altarboki som Bagger gav ut i 1688, er likevel perikopane utan tvil tekne fraa den nye umsetjingi, daa dei ikkje fell saman med nokon av dei eldre biblane.<sup>36)</sup>

Den kyrkjesalmebok som var i bruk i Danmark og Noreg utigjenom 1600-talet, var Hans Thomissøns autoriserte salmebok av 1569, som hadde 269 salmar, systematisk ordna. I sitt gamle umfang vart boki upptrykt siste gong 1654<sup>37)</sup>. Men sidan ho fyst var utgjevi, var det kome til mange nye danske salmar, og fleire ein-skilde salmesamlingar var gjevne ut i prenten. Sidan 1640 vart dette nyare salmetilfanget ført inn i salmeboki av tiltaksame tyske bokhandlarar i Kjøbenhavn som etter tysk mynster gav ut sokalle "fullkomne" salmebøker<sup>38)</sup>. Hans Thomissøns salmebok utgjorde grunnstokken, med dei nyare salmane som utfylling eller som tillegg. Salmane vart dyngja paa kvarandre i brokutt mengd og orden, og dei "fullkomne" salmebøkene voks etterhand til det tre-fire-dubbelte i umfang av Hans Thomissøns bok.

Joachim Moltke gav ut fem "fullkomne" salmebøker, den fyrste i 1640, den siste i 1664. Til den fraa 1647 hadde han hjelp av ein unemnd geistleg<sup>39)</sup>. Moltke braut med Hans Thomissøns systematiske ordning og skipa salmane etter kyrkjeaaret. I dei seinare utgaavor var hovudsamlingi auka med eit Appendix. Utgaava fra 1664, - ho var eit upptrykk av Hans Thomissøns salmebok med eit stort tillegg. Men etter Moltkes død (1664) gjekk Cassube over til hans maate, og prenta uppatt Moltkes salmebok somhan etterhand auka med nye appendicus, so det tilslutt vart fire slike tillegg. Den fyrste av desse Moltke - Cassubes fullkomne salmebøker kom i 1666, den tridje i 1681, ho hadde daa vakse til 800 nr. Deretter fekk boki ny titel, "en ny danske og norske fuldkommen psalmebog" og vart auka til 896 nr. i 1684, og i siste (sjette) opplag (1685?) til 1 000.

Etter desse fyrebilæte vart det no ogso trykt "fullkomne" salmebøker i Noreg. Den fyrste vart utgjevi i Christiania 1677 av kgl. priviligerert bokhandlar Hans Hoff og bar titelen "Christiania ny forbedret fuldstændige psalmebog." Ho var eit opptrykk etter hovudheten i Moltke - Cassubes salmebok, noko avkorta og umordna, med eit større samla tillegg i stadenfor fleire mindre. Denne boki kom sidan i tri utgaavor, prenta paa Frederikshald av Wilhelm Wedemann, 1685, 1686, 1688, og hadde tilslutt 760 nummer. Cassubes nye danske og norske fuldkomne "psalmebog" vart utgjevi for tredje gong av Hans Hoff's enkja (1703) med 1 000 nummer, noko umskipa 40).

Av ein heilt annan type enn dei her nemnde fullkomne salmebøker var den "ny fuldkommen psalmebog", som Daniel Paulli gav ut i Kjøbenhavn i 1680, med 457 nummer, ordna etter innhaldet.<sup>41)</sup> Ho kom i nye utgaavor hos tri forskjellige bokhandlarar i Kjøbenhavn, 1683, 1685, 1697, og voks til over det dubbelte umfang, - den siste hadde 924 nr.<sup>42)</sup>

Ein serleg uttale fortener dei mindre salmebøkene som vart utgjevne i Noreg til lokalt bruk. Merkeleg er Christiania-salmeboki, den fyrste som er prenta i Noreg, utgjevi under titelen Chor- og Kirke-bog av bokhandlar Hans Hoff i Christiania 1663<sup>43)</sup>. Paa titelbladet til ei ny utgaava fraa ikring 1700 - den einaste som er kjent - heiter det, at boki "indeholder psalmer ogbønner som bliver brugt udi Christianiæ menighed og andensteds udi Norrige, baade udi Kirken, saavel som naar chorsang (: husandakt) bliver holden, med flere andre gudelige bønner og psalmer". Boki er heilt forskjellig fraa den fyrr uttalte Christiania fullkomne salmeboki som Hans Hoff gav ut i 1677. Chor- og Kirkebog inneheld 118 salmar, derav 96 fraa Hans Thomissøns salmebok og 22 andre, dels originale danske salmar, dels danske umsetjingar fraa tysk. Fyrste bolken inneheld faste salmar til dei fire vanlege gudstenestor: fropreika, høgnessa, tolvpreika og aftansong. Andre bolken salmar til husandakt (morgen- og aftanbøn) for alle dagar i vika. Tridje bolken evangeliesalmar til kvar sundag og høgtid aaret rundt. Siste bolken salmar um daude og jordeferd og paa reisa. Det er truleg at boki er blitt til ved geistleg medverknaad - det er gissa paa at biskop Henning Stockfleth i Christiania hev havt eit auga med boki, og at ho er utgjevi alt i fyrsten av 1650-aari<sup>44)</sup>.

Salmeutvalet representerar skikk og bruk i Christiania, - men sidan boki vart prenta, er ho - som utgaava fraa kr. 1700 viser - blitt nytta ogso andre stader i landet.

Ei onnor lokal salmebok vart utgjevi av soknepresten paa Toten hr. Knud Sevaldsson Bang: "En ny psalmebog for Guds børn i Totens menighed". Han hadde boki i prenting i Christiania 1674, men Hans Hoff fann at dette gjekk hans bokhandlarprivilegium for nær, og la sak imot bokprentaren. Bangs salmebok kom ut i Kjøbenhavn 1679. Noko eksemplar av boki er ikkje kjent<sup>45)</sup>.

Det vanta soleis ikkje salmebøker - tvertimot - men det var ingen orden paa dei, endaa dei kallast fullkomne. Dei inneheldt baade for mykje og for lite og var samla udan kritikk og sak-kunnskap. Der "findes - heiter det i 1683 - ei alene stor mangel for sange over søndagenes evangelia og epistler, men ogsaa stor urigtighed udi adskillige sange, som derudi ere indførte, en del formedelst ulærde bogførere, der allehaande udygtige og ubekvemme sange sammensanker og under adskillige salmebøgers form og titler af egen myndighed udi mængde lader trykke og bortsælge, en del og fordi at saadanne salmebøger ei af theologis ere gjennemsete og rettede." Dette tilstandet i salmebokvegen gjorde ein reform høgst turvande.

Den 27. mars 1683 overdrog kong Christian V til ein av medlemene i Ritualkommisjonen, dr. Thomas Kingo, biskop over Fyn, aa samla og gjeva ut ei ny salmebok for den danske og norske kyrkja. Kingo skulde samanskriiva og innretta snarast mogeleg "en ret salmebog" av dei beste bruklege kyrkjesongane og forbeta dei med ein del av sine egne. Med ved dette arbeidet skulde han akta paa, at dei salmane som hørde til den vanlege sundagsmessa fyre preika, skulde bli uforandra, med mindre det var turvande aa retta eit ord her og der, og serleg maatte ein ikkje røra ved meiningi i Luthers egne salmar. Salmeboki skulde ordnast - ikkje etter innhaldet, som Hans Thomissøns salmebok - men etter kyrkjeaaret, so kvar sundag fekk sine salmar baade av dei gamle hittil brukte og av dei nye av Kingo over evangelia og epistlane, men desse nye maatte ikkje vera for lange og skulde gaa paa dei vanlege kyrkjemelodiane.

Kingo og hans arvingar fekk privilegium paa salmeboki i 15 aar fraa dato, og kvar kyrkja og skule i baae rike skulde skaffa seg eit eksemplar. Men fyre salmeboki kom ut, maatte ho verta gjennomset og samtykt.

Naar denne fyrelaga vart tiltrutt Kingo, var det fordi han hadde eit godt namn som diktar. Som verdsleg poet stod han ikkje over si samtid, - det var som salmediktar han hadde drege merksemd til seg. Her var det trong til noko nytt - ved sida av reformasjonstids-salmane med si uregelbundne og naive form, - dei prosaiske bibel- og katekismerim fraa den fylgjande tid med sin turre læretone, - dei klagande synds- og botssalmane fraa krigstidi, - og dei langdregne og trivielle oppbyggingssalmane til hus og høvebruk. Men Kingo hadde noko nytt aa gjeva. Hans "Aandelige Sjungekor, 1ste parten 1674, 2dre parten 1681, vart motteke med uvanleg paaskyning, serleg den 1ste parten, som opplevde 6 opplag i Kingos livstid. Sjungekoret, 1ste parten, inneheldt 21 salmar, nemleg 14 morgon- og aftansalmar og Davids 7 botssalmar, 2dre parten bots- og natt-verdsalmar, bordbøner og reisesongar, - dertil i baae partar korte "suk". Det var tonar til salmane, og dei beste av dei, serleg morgon- og aftansalmane, med si hugtakande naturstemning, høyrer til det beste arvegodsset i den danske og norske kyrkja:

Rind nu op i Jesu Navn,  
Du Livsalig Morgen-røde 47)

Nu rinder Solen op  
Af Øster-lide 48)

Kingo tok seg god tid med kyrkjesalmeboki, - det gjekk seks aar fyrr fyrste luten kom ut: Vinterparten, 1689, prenta paa Kingos eige prenteverk i bispegarden i Odense. Vinterparten umfata tidi fraa advent til og med paaske, og hadde 267 salmar, - epistel-, evangelie- og passjonssalmar. 136 salmar var av Kingo sjølv, meir enn halvparten. Av dei andre 131 skreiv dei fleste seg fraa Hans Thomissøns salmebok, resten var salmar av ymse eldre og samtidige danske og nokre norske (?) forfattarar.

Kingo heldt seg ikkje for bunden av den gamle formi paa dei eldre salmane, men saag det som si oppgaava aa gjeva deim ny bunad, etter dei strengare poetiske reglar som galdt i hans tid. Salmar fraa latin og tysk hjaa Hans Thomissøn umsette Kingo paa nytt, og salmar som etter instruksen berre torde brigdast varleg med eit ord her og der, umarbeidde Kingo og tok dei inn i dubbel form, baade gamal og ny. Blandt Kingos eigne salmar fanst det mange av uforgjengelegt verde, men det kunde med rett innvendast, at han hadde gjeve sig sjølv vel stort rom. Og Vinterparten aaleine

var ei stor bok, 697 sider, so heile boki kom daa til aa bli retteleg drjug og kostesam.

Vinterparten, som bar titelen "Danmarks og Norges Kirkers Forordnede Psalmebog" og hadde tilskrift til kongen dagsett 15. april 1689, vart godkjent av kongen 25. januar 1690 og innført som kyrkjesalmebok i Danmark (Noreg er ikkje nemnt) fraa 1ste sundag i advent 1690. Kingo skulde hava einerett til aa selja boki i 20 aar, for ein fastsett pris.

Men berre fire vikor etter vart kongebrevet tilbakekallt. Samanhengen var visstnok den, at den kongelege oversekretæren Bolle Luxdorff, som var ein av Kingos næraste vener og hadde fremja godkjenningi av Vinterparten, ikkje hadde gjeve Kongen full opplysning daa han refererte saki, - mogeleg hadde han skaffa Kingo eit betre privilegium enn Kongen vilde. Christian V vart vreid, gav Luxdorff avskil, og slo ein strek over salmebokprivilegiet, trass i biskop Baggers forbøn. Personleg vart nok baade Luxdorff og Kingo snart tekne til naade igjen, men si avgjersla tok kongen ikkje tilbake.

Grunnen til forkastingi av salmeboki er ukjend. Men det er aa merka, at Kingo ikkje hadde fyrelagt boki for det Teologiske Fakultet til censur for aa faa imprimatur, - han nøgde seg med aa samraada seg med biskop Bagger, som var decanus i fakultetet.

Kingo meinte nok hermed aa vera paa den trygge sida, men det var likevel uklokt og uvarleg gjort. "Han har følt sig for overlegen og været for envis, og han har lukket sig for andres mening, istedenfor aa høre hvad alle for kirkesang interesserte hadde aa si."<sup>49)</sup> Stemningi vendte seg imot Kingo, som no sat med det store opplaget av sin Vinterpart som han ikkje fekk solt. I visse krinsar var uviljen imot honom stor, og i burtgjevne eksemplar av salmeboki skreiv han verset:

Gak, hudeflættet Bog, du tør vel Plaster finde,  
og rene sjæle, som vil dine Saar forbinde.

Gak, sjung din Sorrig hen, det tør vel blive godt,  
thi Ære fødes tit ud af vanartig Spot. 50)

Det som vart sterkast kritisert ved Kingos bok, var hans handsaming av dei gamle salmane fraa reformasjonstidi. Han la si eigi tids æstetiske maalestokk paa deim: "Som den poetiske konst ei paa de tider udi disse og andre rigers modersprog var kommen til den art og øvelse som nu, lod de gode salige mænd deres rim

løbe paa fri haand, mere agtende slutningen end den visse maal og jævnløbende samling udi verset og rimslutningen. Det var saa de dages maner og klingede da meget vel...."<sup>51)</sup> dem naar han no umarbeidde dei gamle salmane for aa gjeva dei ei regelbundi form, og naar han utelet kjente og brukte salmar for deira mangelfulle form skuld, tok han for lite umsyn til konservatismen hos aalmugen og til gamall vane. Og der var ogsø dei som "stødte sig paa" den høgtidsame stilen - grandiloqventia - i fleire av salmane; etter Kingos meining gjorde dei det med urette, daa folk flest forstod slikt betre ein dei lærde tenkte.<sup>52)</sup>

Daa Kingos freistnad paa aa retta dei gamle salmane etter kravi til kunstdikting og den nyare smak ikkje fann samtykke, vart det i 1691 (2. november)<sup>53)</sup>, overdrege til ein annan aa utarbeida den nye kyrkjesalmeboki - nemleg til Søren Jonæsøn, sokneprest og domprost i Roskilde. Han var sjølv diktar, og dertil ein mann med smak, - hans umsetjingar av tyske kjernesalmar for salmeboki er gode, ofte betre enn originalane. Han prøvde aa undgaa det skjer som Kingo hadde stranda paa, ved aa halda seg til "den gode gamle enfoldighed i at paahalde og takke Gud", og vilde heller halda paa noko som ein kunde støyta seg paa i formi, enn forandra meiningi og forfalska Guds ord. Nyaarsdagen 1693<sup>54)</sup> var han ferdug med sitt utkast, - det inneheldt mest berre gamle salmar som han hadde retta, - han hadde nærmast teke dei fraa Cussubes salmebok, - og dertil kom ein sneis nye av honom sjølv etter tysk, menikkje ein einaste av Kingo. - Dette utkastet var for einssidugt, og det vart ikkje godkjent.<sup>55)</sup>

Kingo hadde ikkje fenge høve til aa forklaara seg for dei som hadde noko aa utsetja paa boki hans. Han visste "intet at findes derudi, som i ringeste maader stridigt kon være mod religionen", men ingen torde kaupa boki, "fordi de tænke at den sunde lærdom ei er i agt taget, fordi den for nogen tid blev nedtrykt." "Der var noget lidet, dog ei imod religionen, som nogle til hove stødte sig paa", - det let Kingo "i alle exemplarier strax forandre".<sup>56)</sup> Etter biskop Bagers raad tok han ut sine umarbeidingar av eldre salmar og sette inn att dei gamle former, - han trykte um att dei blad der slike salmar fanst (1690)<sup>57)</sup>.

Daa heller ikkje Søren Jonæsøn hadde framgang, fekk Kingo ny von, og vendte seg i 1695 til storkanslaren greiv Konrad Reventlow og i 1696 til Kongen sjølv, med bøn um at hans bok maatte bli gjenomset av det Teologiske Fakultet, baade vinterfarten i den forandra form,

og sumarparten so snart han innsendte den. Han tilbaud aa retta det dei vilde "paaminde" honom um, og bad um aa faa njota sitt privilegium.

Den kongelege konfesjonarius normannen Peter Jespersøn tala Kingos sak. Men Kongen valde aa fremja salmebokarbeidet vidare paa ein noko annan maate. Den 17. mars 1696 nedsette Kongen ein mannsterk kommisjon med den dubbelte fyrelaga aa gjenomsjaa Baggers altarbok og aa innretta ei ny fullkomi salmebok i tilknytning til Kingos Vinterpart og andre bruklege salmesamlingar. Kommisjonen skulde syta for ei dubbelt salmebok, ei til kyrkjebruk, med tilhøyrande gradual, og ei til husandakt.

I salmane maatte der ikkje skje "nogen unyttig forandring efter verdslig veltalenheds regler eller poesi, som i ringeste maade kunde besvære eller hindre de enfoldige i deres andægtighed." - Av Kingos Vinterpart og andre brukelege salmebøker skulde det veljast ut slike gamle salmar som hadde vore i stadig bruk, og slike nye som stemte med den einfaldige lutherske læra; men nye salmar som paa grunn av innhald eller form var "ubekvemme til gemene og enfoldige kristnes andagt at opvække", skulde haldast ute. I dei gamle salmane skulde ein retta slike uttrykk som kunde utleggjast rangt av fiendane aat religionen eller av aalmugen.

Kommisjonen fekk 11 medlemmer - Sjællands biskop dr. Henrik Bornemann, konfesjonarius Peter Jespersøn, dei 4 teologiske professorane, og 5 sokneprestar i Kjøbenhavn. Korkje Kingo eller Søren Jonæsøn fekk plass i kommisjonen. Men Kingo stod i stadig samband med medlemmer av kommisjonen, ved brev eller personleg.

Kingo hadde den von, at hans Vinterpart tilslutt vilde gaa igjenom, med nokre forandringar, og han heldt fram med aa skriva salmar til Sumarparten og sendte dei inn etterkvart. Men han stansa med det daa han forstod kva det bar, og Sumarparten er no ikkje lenger til.

Resultatet vart ikkje godkjenning av Kingos salmeverk. Den salmeboki som kommisjonen i 1697 fyrela kongen, var nemleg mykje ulik Kingos baade i storleik og innhald. Medan Kingo hadde 267 salmar berre til vinterhalvaaret, inneheldt den nye boki 297 (d.e. 301) til heile kyrkjaaret. Av dei var 122 upptekne fraa Hans Thomissøn, 90 var av ymse forfattarar paa 15- og 1600tali, og 85 av Kingo, derav 55 fraa Vinterparten.<sup>58)</sup> Kommisjonen hadde

soleis vraka ei heil mengd av Kingos salmar - i røyndi for mykje, for der er mange i vinterparten som hadde fortent aa koma med, bl.a. nattverdsalmen "O Jesu, paa din Alterfod" (R.L. 707); dei utskotne fraa sumarparten er ikkje kjent.

Men som kyrkjesalmebok var den nye boki langt betre enn Kingos vinterpart. Kommisjonen hev all æra av sitt arbeid, for det var teke tilbørleg omsyn til torvi aat folket. - Boki var ordna soleis, at fyrst stod dei aalmenne salmane til sundag, bededag og morgongudstenesta, deretter dei serlege til kvar sundag og festdag, vidare salmar til brudvigsla, jordferd o.s.v., og tilslutt passjonssalmane.

Salmeboki vart godkjend av kongen 1. mai 1697, med 10 aars privilegium for Kingo til aa prenta og selja boki. Ho kom ut 15. april 1699 under titelen "Den forordnede ny Kirkepsalmebog.. til gudstjeneste paa søndagene, festerne, bededagene og til anden gudelig brug i kirken udi Danmark og Norge, af gamle aanderige sange ordentlig indrettet og flitteligen igjennemseet og med mange ny psalmer forbedret, og...til trykken befordret av Thomas Kingo, D...." - Salmebiki vart innført i alle kyrkjor i baee rike fraa nyaar 1700.

Ved sine gode eigenskapar hevda den nye salmebok, som etter forleggjaren er blitt kallt Kingos salmebok, sin plass gjennom den eine slektleden etter den andre, ogso under rasjonalismen og nyare retningar. Men det var Kingos salmar som var den eigenlege styrken i boki, det var dei kyrkjelydane kjente og tiltala av. Dei er blitt karakterisert som det høgaste uttrykk for den gamallutherske aand i den danske og norske kyrkja.<sup>59)</sup>

Etter at kyrkjesalmeboki var fullført, tok kommisjonen fatt paa den andre luten av salmeverket, nemleg Husandakts-salmeboki, som vart ferdug fraa kommisjonen i 1698, og fekk 190 salmar, - av dei var 41 av Kingo. Han hadde venta at kommisjonen vilde taka upp i hussalmeboki dei av salmane hans som var utelatne or kyrkjesalmeboki, men det skjede ikkje. Det var salmar og vers fraa Sjungekoret, som kom inn i hussalmeboki, ingen kyrkjesalmar. Innhaldet i denne salmeboki var elles henta fraa dei salmesamlingar som var i bruk blandt aalmugen og elles fraa andre samtidige danske salmediktatarar.

Kingo fekk privilegium paa prentingi (20. desember 1698), men overdrog det til ein annan (Joh. Laverentzen i Kjøbenhavn). Boki kom ut i 1703 under titelen "Den forordnede Husandagts-psalmebog... at bruges udi Danmark og Norge, indeholdende smukke aandelige psalmer og sange til dagelig gudfrygtigheds øvelse i allehaande



tilfælder inden og uden huset til lands og vands." - Boki fekk ikkje paa langt nær den utbreiding som kyrkjesalmeboki.

Ved salmebokprivilegiet av 1. mai 1697 vart det paalagt Kingo ogso aa faa istand eit nytt Graduale som kunde høva til kyrkjesalmeboki. Det musikalske utstyr til gudstenesta hadde fyrr vore fordelt i tri bøker: - Nils Jespersøns Gradual av 1573 inneheldt det faste program for musiken (songen) ved kvar einiskild tenesta (iser høgmessa) heile kyrkjeaaret rundt; for kvar gudstenesta fann ein der tonar og tekst til sovel dei liturgiske som dei ikkje-liturgiske leder - dels latin, dels dansk - som skulde nyttast til kvar tid i kyrkjeaaret.<sup>60)</sup> Hans Thomissøns salmebok inneheldt melodiane til salmane og dessutan messetonane til gudstenesta fyre preika. Messetonane til nattverden stod i Altarboki. Christian Vs nye gudstenestebøker, Ritual, Altarbok og Kyrkjesalmebok, inneheldt ingen tonar. All musikken tilgudstenesta samla Kingo i det nye Graduale, baade salmetonane og messetonane. Boki kom ut i 1699.

Likesom Nils Jespersøns Gradual var Kingos Gradual ordna etter kyrkjeaaret, svarande til den nye kyrkjesalmeboki. Det gode gamle prinsipp at kvar gudstenestedag hadde sitt fyreskrivne musikalske utstyr, var soleis uppehalde. Men elles tyder Ritual og Gradual ei kraftig forenkling av gudstenesta, og serleg er det gaatt ut over den musikalske rikdom og tradisjon, som utmerkteden eldre gudstenesteform. Dei skiftande liturgiske song-leder i gudstenesta, serleg introitus og hallelujaverset, med sine latinske tekster og gregorianske tonar, var det ikkje lenger plass for iden reine salmemessa som Ritualet 1685 hadde fastslaatt. Det er difor blitt sagt<sup>61)</sup>, at Ritualet representerar eit liturgisk forfall, ei messa i oppløysning, og ved Kingos Gradual er det liturgisk-musikalske sambandet med den gamle kyrkja fyre reformasjonen definitivt brote.

Kingo tala vanvurdande um den gregorianske songen, "den latinske mumlesong og munkeskraal", og hevda at "den gemene almue" stod heilt framand for slik song. Umsynet til det folkelege var soleis det leidande prinsipp i Gradualet, som i salmeboki.

NOTER TIL XII. 12. Christian Vs liturgiske bøker.

- 1) Zwergius s. 315
- 2) Kleks. f. N. III, 799
- 3) Aubert, N.T.T. N.R. IV, 608
- 4) bl.a. s. 612
- 5) Berre menighetsgudstenestor
- 6) DKl III, nr 518
- 7) Norsk Kirkebrev 1915, 418-23. 434-40
- 8) Han hev ikkje - som mange enno trur- noko aa gjera med  
Kjøpenhamns brand (1728)
- 9) Khs 4 II, 169-70
- 10) Abr. 84. 115ff
- 11) Zwergius 315
- 12) Rich. Petersen, Thomas Kingo, s. 357
- 13) NTT. NR IV, 608
- 14) NTT. NR IV, 608, 609
- 15) Avfr. s.
- 16) NTT. NR IV, 608, 609
- 17) s. 608
- 18) s. 608. Rit. 22
- 19) Det er Christi legeme. Det er Christi blod.
- 20) NTT. NR IV, 606, 609. Rit. 160
- 21) NTT. NR IV, 606. Rit. 169
- 22) s. 610, 612, 613
- 23) s. 611. Rit. 93
- 24) s. 614. Rit. 63
- 25) s. 609, 612, 613, 614. Rit. 55
- 26) DKl III, nr 491, 567
- 27) NTT. NR IV, 611
- 28) Rit. 148-9
- 29) Rit. 193-225
- 30) s. 227-8
- 31) s. 230
- 32) NTT. NR IV, 611
- 33) jfr. NTT, NR VII, 284f
- 34) s. 335
- 35) s. 346, 370
- 36) Oluf Kolsrud, Det Norske Bibelselskab s. 18 f.
- 37) H. Blom Svendsen. Norsk Salmesang I, 183 n.l. - Ikkje 1649, som  
P. Severinsen meiner, Khs 4. V, 619

- 38) P. Severinsen, Khs 4. V, 619ff
- 39) s. 620
- 40) Blom Svendsen I, 175-6
- 41) Khs 4. V, 626. Brandt og Helweg II, XXXIII
- 42) Den siste og største av dei "nye og fullkomne" salmebøkene inneheldt 1010 salmar; ho kom ut i 1709 og vart fleire gonger prenta uppatt (sist i 1760) og er kjent under namnet "tusen og ti"- salmeboki.
- 43) Blom Svendsen I, 166-73
- 44) s. 167
- 45) Blom Svendsen I, 183
- 47) 1ste Morgensang
- 48) 6te Morgensang
- 49) Blom Svendsen
- 50) Rich. Petersen, 349
- 51) Brandt og Helweg II, f. XXXVIII
- 52) Rich. P. 353f
- 53) Blom Svendsen I, 190 n.l.
- 54) Bl. Sv. I, 190 n.l.
- 55) gjennomgaatt av S.J. 1695 (Skaar) ikkje 1697 (Bl. Sv.)
- 56) Ny Khs I, 604
- 57) NTT 1934, 252 ff.
- 58) NTT 1934, s. 256
- 59) Rosenberg III, 528
- 60) Abr. 113
- 61) Abr.

## XII: 13. Gudeleg dikting i Noreg.

Evangelisk salmedikting tok seint til i Noreg.<sup>1</sup> Reformasjonen løyste ikkje ut nokon salmesang hjaa oss. Fraa reformasjonshundrad-aaret kjenner me ikkje ein salme som er blitt til i vaart land.

Det er fyrst ikring 1600, at ein og annan nordmann tek til aa freista seg med gudeleg poesi. Den fyrste var Nils Lauritssøn Arctander, slottspredikant i Kjøbenhavn, seinare biskop i Viborg. I 1591 gav han ut "Trende aandelige Viser, den første om Guds Kundskab, den anden om Christi Person og Embede, den tredje O Jesu Christ, Mariæ Søn." Visa "om Guds Kundskab"<sup>2</sup>, som er paa 14 vers, kom inn i Kingos salmebok. Den siste av desse tri visorne er ein pønitenz-salme<sup>3</sup>, som gjev eit inderlegt uttrykk for syndskjensla og tilliti til Guds naade i ei hjarteleg tru. - I 1607 gav Arctander ut ei større samling med "nogle psalmer og aandelige viser", der dei tri eldre visene var upptekne.

Umlag samtidig med Arctander dyrka M. Hallvard Gunnarsson, lektor i teologi i Oslo, den edle versekunst paa fleire spraak, latin, græsk, hebraisk, og stundom paa dansk. Versi skreiv han til pedagogisk fyremaal, "ungdommen til øvelse og undervisning", - dei skulde tena til minnever, og samla difor eit eller anna lærestoff i nokre faa linor. Soleis hev M. Hallvard attergjeve innhaldet i epistlene og evangelia for kyrkjeaaret i korte vers (1596, 1603), og likeins hovudartiklane i den kristne læra (1599). Versi paa dei gamle spraak er fint forma, serleg dei latinske, - han fær det ikkje so godt til, naar han freistar seg paa sitt modermaal (som han kallar stundom dansk, stundom norsk).

1.s. i advent (til Rom..13):

Natten er bort, Liuset skin klar,  
Vor Salighed er obenbar,  
Elsk fordi Liusens gjerning nu,  
Slaa mørkeheds gjerning aff din hu.

4.s.e.Trin. (Luk.4).

Bielcken først aff dit øye drag,  
Siden Skeffuen aff din Broders tag.  
Thi naar en blind en blind leder,  
Falde de baade i graffuen neder.

Utover paa 1600- talet var det i Noreg - som i Danmark - fleire som forsøkte seg paa metrisk umskriving av  Davids Psalmar. Det store fyrebilætet for slike arbeid var den namngjetne hugenot-tiske psalme-parafrasen av Clément Marot og Theodor Beza (1562; 49 psalmar av Marot, 101 av Beza), som er blitt umsett paa 22 spraak og var kjent i Norden serleg gjennom den tyske umsetjing av Ambrosius Lobwasser 1573. Marots psalmeumsetjingar vart sungne til verdslege melodiar, som den franske tonekunstnaren, Claude Goudimet utsette for fire røyster (1562,65).

Den danske superintendenten i Trondheim M. Isak Grønbeck sette um "Konning Davids Psalter paa danske efter den frantsøske art og melodi af ebraiske sprok", 1604 (utrykt)<sup>4</sup>.

Peder Pederссøn Aalborg, sokneprest paa Stord (1604-34), forfatta "Det aandelige Paradis, som Davids Psalter efter D.D. Ambrosii Lobwasser", som han tileigna befalingsmannen paa Bergenhus Knud Gyldenstjerne (1619/27)<sup>5</sup>

Andre umsette psalteret, utan aa fylgja Lowasser, etter melodiar som brukelege og velkjende i kyrkjer og hus i Danmark og Noreg<sup>6</sup>.

Fremste romet millom deim hev den ypparlege "sangvise" umsetjing, som M. Anders Arrebo gav ut i 1623. Arrebo tok som psalmeumsetjar til med dei 7 pønitiesalmane, som han gav ut i 1620 til prøva, og der han lova aa setja um heile psalteret, "om man ellers af prøvepsalmerne erakte kunde, saadant den christne menighed nytteligt at være".<sup>7</sup> Arrebo, som den tid var superintendent i Trondheim, fekk mange oppmodingar fraa geistlege i Noreg, baade skriftlege og munnlege, um aa halda fram. Verket vart fullført i hans "triste otium", i det fyrste aaret etter han var avsett fraa bispeembetet ved herredagsdomen i Bergen 1622. Han tileigna boki til "superintendenter, prælater, kanniker, probster, præster og menige clerici udi Norriges rige",<sup>8</sup> "til en taknemmeligheds apparentz baade for broderlig favor og omgængsle, den korte tid vi vare collegæ, naboer og conversanter tilsammen, saa og andre velgjerninger som mange af eder mig gjort og bevist have".<sup>9</sup> - Arrebo brydde seg ikkje um aa fylgja den vanlege parafrasekarakteren, men freista aa gjeva uttrykk for aand og stemning i kvar salme, samtidig som han la stort arbeid paa formi, serleg i 2dre utgaava 1627. Det er blitt sagt, at næst Luther hev ingen salmeumsetjar naatt Arrebos rang.<sup>10</sup> Og boki vart vel motteki, - ho er upplagt paa nytt fleire gonger (5te utg. 1673). Ein del av salmane hans fann veg til salmebøkene, og tre av dei fekk plass i den kóngoske kyrkjesalmebok av 1699 (Ps.

15,23,111).<sup>11</sup> I Noreg var Arrebos salmar overlag vel umtykt. Biskop Bredal skreiv i 1665, at Arrebos songar hadde vunne slik inngang, at dei vart sungne rundt i husi i Noreg.<sup>12</sup> Og son til Arrebo skreiv i 1661, at "en stor del læge mænd i Norge ere saa kyndige og verserede i dem (psalmerne), som vi ere det hos os i vore danske psalmer".<sup>13</sup> Og ikkje berre det: hans song hev ogsø havt mykje aa seja for vaar heimlege dikting. Det vart sagt um honom (av rektor Hans Skanke 1709), at han hev vekt musorne av dvale i Noreg,<sup>14</sup> med andre ord, at det er Arrebo som hev innleidt den litterære bløming som kom med Dorothe Engelbretsdotter og Petter Dass.

Samtidig med Anders Arrebo umskreiv soknepresten i Nes i Hallingdal Hans Skov (Johannes Sylvins) Davids psalter "rimvis under de melodier som meste parten findes i den danske psalmebog", 1623<sup>15</sup>.

Ein menneskealder seinare vart psalteret atter utsett, "sangvis efter de melodier som nu brugelige ere", av Peder Olufssøn Svegning, sokneprest paa Stord, 1656.

Ingen av desse tvo umsetjingar er blitt prenta.

Ein gruppe for seg utgjer dei store skildrande og oppbyggjelege diktverk, som tek naturlivet og historia til emne.

I sitt hovudverk "Hexaëmeron", utgjeve 1661, skildrar Anders Arreboe Guds skaparverk i ein ny poetisk stil, etter tysk og fransk fyrebiløte. Dermed grunnla han den lærde kunstdikting i Danmark. For oss hev hans dikt sin interesse, fordi han flettar inn skildringar fraa Noregs natur og dyreliv, minne fraa hans visitasferder i Nordland og Finmark. I Hexaëmeron fann Petter Dass eit av sine viktigaste fyrebiløte.

Ein etterfylgjar fekk Arreboe i den norske presten ved Aarhus domkyrkja Claus Andersson Trundhiemb (1642-84).<sup>16</sup> Han gav i 1676 ut eit framhald av Arreboes verk under titelen "Heptaëmerinon eller Guds hvile paa den syvende dag", eit dikt um mennesket fraa Adam til Christus. Det var hr. Claus's plan, at det heile skulde verta ein trilogi, um skapingi, menneskja og Messias, men den tridje luten, um Messias, vart det ikkje noko av. Heptaëmerinon er turt, langdragelegt og strengt ortodokst, men ikkje utan interesse ved den store kunnskap forfattaren legg for dagen um heidna religionar i fjerne land, og jamvel um det kristne misjonsarbeidet i China.

Eit merkelegt oppbyggjelegt poetisk arbeid var det store diktet av provst Samuel Bugge i Eid i Nordfjord: *Ethica Christiana, Om adskillige Fugles, Diurs, Fiskes Naturlige Egenskab udi danske Viser og Rim med Aandelige Betænkninger artig sammenskriven*", i

450 vers, Kbh. 1663.<sup>17</sup> Hans utgangspunkt for skildringane av fuglar, dyr og fiskar er eldre danske visor og rim, men naar han diktar vidare paa eigi hand, fær hans vers liv og farge av inntrykk og røymslor fraa Noreg. Men han diktar ikkje berre for aa skildra, han vil vekka til ettertanke over dyrelivet som Guds henders verk, og difor knyter han aandelege utlegningar til altsaman. I so maate er han ein av Petter Dass's fyrgangarar.

Det er fyrst fraa midten av det 17de hundradaaret, me kann tala um at gudeleg dikting eller salmedikting i egenleg forstand er i framvokster i Noreg. Men no tek det etterhand til aa staa fram den eine etter den andre som kved aandelege songar og salmar.

"Tre aandelige sange" av M. Nils Svendssøn Chronich lektor i teologi ved gymnasiet i Christiania, kom ut i 1649; songane, som var forfatta i aari 1646, 1647, 1648, varslar Christi tilstundande nære koma og er uttrykk for det apokalyptiske draget som sermerkar M. Nils's separatisme. Songane hans skil seg sterkt ut fraa den lærande og oppbyggjelege gudelege poesi i samtid; dei er eit vekkjarrop til den sjølvtrygge kyrkjekristendomen.

Ein heilt annan type som salmediktar er den samtidige Peder Matthissøn Ofvid, den fyrste norske bonden som hev gjeve ut salmesamlingar. Ofvid var gardbrukar i Beitstad i Inntrøndelag; han bygsla jord av kongen, fyrst Fosnes, sidan Indre Vada, dreiv sagbruk og var tiendeskrivar. Slekti, som vistnok skreiv seg fraa Sønderjylland, var innvandra til Noreg truleg med Peders far.

Dei mange trønske dialektuttrykk som Peder brukar i salmane sine, tyder paa, at han er oppvoksen i Trøndelag. Han kann ikkje rosa seg korkje av sine gaavor eller av si utdanning, og hans salmar er enkle og einfaldige baade i form og i innhald. Han staa utanfor den tids litterære utvikling, fylgjer ikkje poetiske moderetningar men hev si eigi heimegjorde form. Han hadde kjennskap til tysk, og i si fyrste salmesamling umsette han ikkje mindre enn 57 tyske salmar. Ofvids salmar er ikkje subjektive, men hev ein utprega objektiv karakter. Han syng um alle dei emne som finst representert i kyrkjesalmeboki; salmane hans hev menighetspreg, han syng ut fraa kristenlivet i kyrkja og heim, enkelt, tillitsfullt og truverdig. Den praktiske kristendomen ligg hanom serleg paa hjarta. Han hev gjeve ut tvo salmesamlingar: "Aandsens glæde", 1648, inneheld "aandelige viser, psalmer og lovsange", dei fleste etter tysk, ein del forfatta av honom sjølv. I "Lammens sang", 1656, hev han sett evangelier og kollektar for sundagane og festane i kyrkjeaaret paa vers. - Tvo av Ofvids umsette salmar fraa tysk kom inn i den Kingoske salmebok.

Ein heilt annan karakter hev salmediktingi aat Peder Olufssøn Svegning, sokneprest paa Stord.<sup>18</sup> Forutan den fyrrnemde songvise utsetjing av Davids Psalter 1656 hev me fraa hans haand ei salmesamling "Aurora eller Ny Morgenrøde", 1668, dei fleste av Svegning sjølv, nokre umsett fraa tysk. Svegnings form og uttrykksmaate fylgjer kjente mynster. Og han er ikkje framand for paaverknad av straumar i samtidi. Tydeleg er aa merka innslaget fraa den andaktslitteraturen som søker oppbygging i bilætet av den lidande frelsaren, i ei sterk utmaaling av Jesu lekamlege lidingar. Det er i Svegnings passjonssalmar me møter dette innslaget for fyrste gong i norsk salmedikting, - låkesom i den danske hos Erik Erikssøn Pontoppidan, (sidan biskop i Trondheim) i "Vor høi-plagede Frelzers Jesu Christi blod-daab", 1653, m. fl. Og Svegning kann tolka lengten aat sjeli etter foreining med Christus i ord som minner um den unio mystica, som andaktsbøkene av Johann Arndts retning ofte talar um. - Kingo tok med tvo av Svegnings salmar um ny-morgenrøden, og ei av hans umsetjingar fraa tysk. Folv salmar av Svegning finst i Tusen- og-ti-boki.

Ofvid og Svegning hev fortienesta av aa ha innført tysk gudeleg dikting i norsk litteratur i umsetjing. Ein annan salmeumsetjar er Peder Møller (1642-97), fyrst kapellan i Christiania, sidan prest paa Christanshavn og tilslutt sokneprest i Slagelse. Salmar han hadde umsett fraa tysk, kom inn i "fullkomne" salmebøker, andre i Kyrkjesalmebøker paa 1700 - talet.<sup>19</sup>

Fyrst og fremst hev Møller umsett andaktsbøker, fraa tysk og engelsk og fransk. Blandt deim er i denne samanheng aa merka serleg "Aandelige Sparetimer" af den namngjetne tyske oppbyggjelege forfattaren Heinrich Müller (1631-75), I-III, Chra. 1667-69; det er ei samling av 300 hus- og bord-andakter, som hev vore inspirasjons kjelda for fleire gudelege diktarar.

Den mest kjende salmesamling av ein norsk forfattar i 2dre helvti av 1600talet er "Sjælens Sang-Offer" 1678 av Dorothe Engelbretsdotter (1634-1716) (i utgaava 1682 med 42 salmar). Hennar taarefylde poesi vekte i serleg grad atterklang i tidi, ho vart høgt prisa av sine samtidige - menn som Thomas Kingo og Peder Dass og andre. Kongen løyvde henne skattefridom paa livstid. Hennar bysbarn Ludvig Holberg gav henne æretitelen "den største poetinde som de nordiske riger have haft"<sup>20</sup>. Ho var dotter til den fortente skulemannen og presten i Bergen Engelbret Jørgenssøn, rektor ved katedralskulen, sidan sokneprest ved domkyrkja, og var gift med



Ambrosius Hardenbeck, som etterfylgde verfare i sokneprestembetet ved domkyrkja.

Dorothes salmedikting er utsprungen av ein umiddelbar subjektivisme - her hev ogso personlege opplevingar spela inn - og hennar salmar hev difor ikkje noko kyrkjelegt preg, endaa mange av dei er inspirert av dei kyrkjelege festdagane og dei gudstenestlege handlingane. Av denne grunn hev ho ikkje fenge synderleg rom i kyrkjesalmebøkene. Dei stemningar som slaar ein imøte fraa "Sjælens Sang-Offer", er kjensla av syndeskuld, livstrøttleik, og lengting etter frelsaren i eit himmelvendt sinn. - I oppbyggingslitteraturen var sukk og graat og klage merke paa botskjensla, og meir enn nokon annan hev Dorothe gjeve taarevætte uttrykk for angeren i det botferdige sinn. Taaren er det ekte og sanne vitnemaal um "it hierte brøt og synder støt".

Jeg er en Fremmed her i Landet,  
 Min Fardag ligger i mit Sind,  
 Det Timelig er kummer-blandet,  
 Angstbølgen driver jevnlig ind;  
 Seent Græde-Kilden stillis  
 Med meere saadan Staag;  
 Gid jeg maa salig skillis  
 Fra dette Plage-Aag.<sup>21</sup>

Til sitt Sang-Offer la ho i 1686 eit "Taare-Offer", som ho skreiv etter ein tysk original, etter Ambrosius Hardenbecks død. - Ho understrekar i si dikting sterkt jammeren og naudi i jordlivet, og skrøplegdomen aat den menneskelege natur. Men sukk og klage er ikkje det eineraadande i Dorothes salmar. I Sang-Offeret møter me ogso ein sund og tillitsfull tone.<sup>22</sup> Ho gjer upp med sorgi og vender seg i tiltru til frelsaren:

Om Verden med sin Glæde sviger,  
 Om Lykken ikke altid leer,  
 Om Kaars af alle Hjørner kiger  
 Og stirrindis indtil mig seer,  
 Da veed jeg ingen bedre Raad  
 End fly til Jesum med min Graad.  
 Hand skønner bedst min ringe Evne  
 Og seer jeg er af veeg Natur,  
 Langt meere end jeg selv tør nevne,  
 Jeg skrøbelige Creatur.<sup>23</sup>

Roleg og utan otte ser ho dauden i møte:

Til een blund staa nu mit sind,  
Men førend jeg slumrer ind,  
Vil jeg hos mit Hvile-rom  
Staa oc tencke mig lit om.

At det er saaledes fat,  
Jeg eengang den lange Nat  
Skal iblandt de dødes Tal  
Soffve i den mørcke Dal.

Fire Fiele er min pragt  
Huor udi jeg bliffver lagt,  
Med it lagen og lit meer,  
Eyer icke saa en Feer.<sup>24</sup>

Domen aat litteraturhistorikarane over Dorothe er høgst ulik. Hennar salmar hev vanskeleg for aa verta tileigna i vaar tid, fordi ord og stemning er andre enn me kjenner. Og der kann godt vera ymist aa segja paa hennar spraak og bilætbruk.<sup>25</sup> Men salmane er veitalande vitnemaal um eit personlegt trudomsliv og dei hev eit individuelt tonefall, som trass i alt kann gjera dei levande den dag i dag.

Samtidig med Dorothe er trønderen Johan Brunsmann (1637-1707), rektor i Herlufsholm, sidan prest ved Vartov hospital i København. Han gav ut ei salmesamling i 1676, "Aandelig Sjungelyst", som han umarbeidde og utvida 1687 til "Den sjungende Himmel-Lyst". Innhaldet er for største delen umsetjingar, umarbeidingar og etterlikningar av eldre salmar; og fleire av hans originale salmar er i røyndi etterlikningar av gamle kjende salmar.

Brunsmann var namngjeten for sin lærdom, og han hadde god greida paa reglane for riktig poesi. Men han var meir lærar og forkynnar enn eigenleg diktar. Kingo sette likevel Br. høgt, og tok upp sju av salmane hans, derav 2 originale. I den Kingo'ske salmebok kom berre 1 salme av Brunsmann inn, men unlåg heile "den sjungende himmellyst" vart avtrykt i 1010-boki. Ein av salmane hans er uppteken av Landstad: Guds salige Godhed og Naade (L..475)

Ein merkeleg plass inntek dei tvo brødrene Bernhoff:<sup>26</sup> Anders Hansen Bernhoff, sokneprest i Uppdal i Trøndelag, og Hans Hansen Bernhoff, visepastor, siden sokneprest i Surnadal paa Nordmøre.

Anders Bernhoff (1661-95) etterlét ei liti bok, "Christi pines og døds historie, efter de fire hellige evangelisters anledning

sangviis kortelig udsat", med 12 passjonssalmar. Ho vart utgjevi av mor hans i 1703 og er sidan upptrykt 4 gonger, sist i 1856. Det gamle emne passjonshistoria vilde han klæda i "en ny maade". Han teiknar lidingssoga med enkle grove drag, det heile er umsett i tenkjemaaten og fyrestellingskrinsen aat aalmugen.<sup>26a</sup> Han hev si eigi faste og fyndige form, sjølv um han ikkje naar upp til Kingo. Hans stil er kraftig, realistisk og folkeleg, og enndaa hans smak og formsans ikkje er utvikla som Kingos, eig skildringane hans ein merkeleg varme og intensitet. Hans salmar er sterke uttrykk for den glødande Jesusdyrking som karakteriserar tidi.

Hans Bernhoff (1665-1714) syng um "Et Guds barns forlystende fornøyelse udi sin Gud" (1703); i 32 salmar forklaarar han her dei fleste av trudomsartiklane. Dette dikt synest vera skrivne fyre hans presteaar. Der gaar ein ljøs og tillitsfull tonegjennom heile hans produksjon. Han skildrar Guds skaparverk med sterke fargar, han syng um gleda aat dei gudfryktige her paa jordi, um den hjartegleda som trui føder i motsetnad til dei faafenge verdslege gledor, han skildrar røymslorna aat kristensjeli, og syng um synd og naade, um dom og ævelegt liv. Den enkle gudsfrykt som openberrar seg i desse salmane, høyrer gamallutherdomen til, men der fyrekjem ogso tonar som peikar mot den pietistiske kjenslesame Jesusdyrking.- Ogso Hans Bernhoffs salmar vart vel umtykt; i 1786 kom dei i 4de opplag. -

Mor til dei tvo brødrane Bernhoff, Elen Andersdotter Opdal, skal etter familietradisjonen ha forfatta det vidkjente verset "Jesus, styr du mine tanker" (L.673).

Samuel Olsen Bruun (ca. 1660-1694), sokneprest i Kragerø, gav i 1693 ut ei salmesamling "Den sjungende tidsfordriv eller Korsets frugt", som inneheld salmar og sengar "til aandelig forlystelse og gudelig tidsfordriv". Bruun hadde ikkje tenkt aa laga salmar til kyrkjebruk, det er nærmast heimandakti han hev for auga, - "alle tider" og "alle tilfælde". Han er jamm, barnsleg og umiddelbar, - der er ingi vengjeflukt, ingen spraakleg prydnad,<sup>27</sup> - han segjer tingene endefram utan kunster. Der er mange gode lettflytande vers, og ein merker i mange av hans salmar ein verkeleg poetisk sans.<sup>28</sup> Bruuns salmar er blitt flitug brukt av seinare slekter, - boki kom i 1711 i 5te opplag, - me kjenner 13 utgaavor fraa 1700talet, og minst 4 fraa 1800-talet, den siste fraa 1865. Bruun var veik-helsa, og lidingi hev i serleg mun vendt auga hans mot det hinsiduge. Han vanvyrder verdi med si synd og sin usseldom og vondskap. Trøysti

og hjelpi finn han fyrst og fremst i kjærleikssanfundet med Jesus. - Bruun kjende den tyske salmediktaren Johann Franck, den fyrste salmediktaren som i Tyskland avgjort høyrer til den subjektive retning, - ein av fyrelauparane til den pietistiske diktarskulen i Halle. Bruun hev umsett eit par av hans salmar.

Iver Brinch (1665-1728), prest ved den dansk-norske kyrkja i London, sidan sokneprest ved Holmens kyrkja og tilslut ved Nicolai kyrkja i Kjøbenhavn, gav umlag samtidig med Samuel Bruun ut ei gudeleg diktsamling "Brudgommens og brudens Jesu Christi og hans Kirkes aandelige kjærlighedssange" (1695). Songane er bygt over utvalde ord av Salomos Høgsong, som er allegorisk uttyda paa tilhøvet millom Kristus og hans kyrkjelyd. Her raader den svermeriske lengt etter mystisk foreining med frelsaren, som ein finn att i Jesus-salmane fraa pietismen og serleg hjaa heppnhutarne. I eit tillegg hev Brinch umsett 5 tyske salmar som heil fell innan fyre ramma aat den pietistiske salmedikting.<sup>29</sup> - Eit anna arbeid, utan tvil av same forfattaren, er "En Christens tanke-tøyle", godkjend til prenting 1695, trykt 1ste gong 1697. Denne vart uppatttrykt 19 gonger paa 1700talet og 10 gonger paa 1800-talet; fleire av opplagi er utkomne i Noreg, det siste i Bergen 1865, og der finst folketonar til fem av songane.<sup>30</sup> Tanke-tøylen er eit utslag av den praktiske vekkingsretning innanfyre den lutherske kyrkja; ho er litterært avhengig av Heinrich Müllers "Aandelige Sparetiner" - den fyrr nemde tyske oppbyggjelege forfatteren, som var ein av fyrelauparane for pietismen. - Landstad hev teke upp fire salmar av Brinch, deriblandt nattverdsalmen "Op, sødeste sang"(L. 75).

Den lærde presten på Norderhov Jonas Ramus (1649-1718),<sup>31</sup> gift med den namngjetne Anna Colbjørnsdotter, gav ut ikkje berre historiske og geografiske skrifter, men var ogso ein mykje lesen oppbyggjeleg forfattar. I hans andaktsbøker, "Naadens aandelige Markedstid" (1680), trykt i minst 16 opplag (sist i Bergen 1888), og "Sjælens Lysthave"(1695), fyrekjem det tvo gode salmar, som paa ein hjartegripande maate gjev ord for lengten burt fraa kross og smerte til samfundet med Jesus i himmelen.<sup>32</sup> Den fyrste av desse salmane - En Christens sejerverk eller Sangverk - kom inn i dei fullkomne salmebøkene, den andre kunde godt forsvara sin plass i kyrkjesalmeboki.

Henrik Thaulov, sorenskrivar paa Moss, gav i 1704 ut tvo diktsamlingar, som no berre kjennest av titelen: Aandelige syv og gudelige Tidsfordriv syv Gange syv Aandelige Psalmer og lige saa mange Hjertesuck i danske Sonetter. Det menneskelige Levnets

Beskrivelse med adskillige Viser paa de rareste Melodier.<sup>33</sup>

Det er tydeleg aa merka hjaa fleire av dei salmediktarane som her er umtala, at deira dikting hev eit personlegt utspring. Det gjeld Dorothe Engelbretsdotter, Samuel Bruun, Iver Brinch og Jonas Ramus. Det gjeld og tvo kvinnelege diktarar, som visstnok ikkje vann noko namn, slik som Dorothe, men enndaa fortener aa nemmast her.

Anna Reimer, prestedotter fraa Stavanger, kjende seg "pidsket og tugtet" av "Guds faderlige ris", ved dødsfall og brand, og fann daa trøyst i aa dikta aandelege songar. Dei er blitt til i 1680-aari, og utmerkte seg ved "ordenes renhed og deres simple og oprigtige fromhed", men det lukkast ikkje aa faa dei utgjevne, og hennar salmesamling er no tapt.

Ingeborg Andersdotter Grytten, prestedotter fraa Holmedal i Sunnfjord, hev skrive ei liti salmesamling "Kors-frugt", som vart godkjent til prenting av censuren 1701, men utkom fyrst 1713. Ingeborg Grytten var spedalsk, og boki hennar var difor verkeleg "korsenes frugt", som av hennar "tornefulde korsenes kjep i hede angestaare er udspiret". I emneval er ho sterkt avhengig av Samuel Olsen Bruun, og i form av Dorothe Engelbretsdotter. Likesom i Sjelens Sang-Offer finn me her salmar um den botferdige sine sukk og taarar, um syndenaudi og frelsenaaden. Hennar styrke er den personlege tileigning av naaden, tankane hennar krinsar ideleg um syndeskuldi og frelsaren, som ho hev ein brennande lengt etter.<sup>34</sup> Trass i tilhøvet til fyrebiløte, gjev fleire salmar uttrykk for den personlege livsrønsla.

Det er eit felles drag ved fleire av salmediktarane i Noreg i 2dre halvti av 1600-talet, at den sterke syndekjensla munnar ut i ein persoleg lengt etter Jesus, og i kjærleik til honom. Jesuslengten, Jesus-kjærleiken, Jesus-mystikken er uttrykk for, at kjensla tek til aa bryta igjennom i salmediktingi, - me høyrer alt dei tonar ljoda, som blir so karakteristiske for ein viss type av pietismen.

Dette subjektive draget<sup>35</sup> finn me lite av hjaa den største millom dei gudelege diktarane, ja millom alle diktarar overhovudet paa 1600-talet i Noreg, - Petter Dass (1646-1707). Han var ikkje eigenleg salmediktar, det er som folkesongar han hev vunne sitt namn. Men av diktingi hans, og serleg av den som naadde fram til folket, er det ikkje minst hans songar av gudelegt innhald, som paa ein merkeleg maate hev fenge varig verdi og gjort djup innverknad. Han er ikkje avhengig av dei religiøse tidsstaumane

som hev skapt den botferdige taare-poesien og den kjenslerike Jesus-mystikken. Han er seg sjølv - med sine heilt igjennom personlege kjennelege drag. Men den religion han lever i og forkynner, er i beste forstand den kyrkjelege gamal-lutherdomen.

Petter Dass var fødd 1647 paa garden Nord-Herøy i Alstadhaug prestegjeld paa Helgeland. Faren var visstnok skotte av fødsel, hev kanskje drive handel paa Nordland fraa Bergen, til han gifte seg med dotter til ~~futen~~ paa Helgeland og slo seg til der nord. Faren døydde daa Petter Dass var liten, heimen vart oppløyst, og Petter voks upp hjaa skyldfolk, paa Nærøy prestegard i Namdalen og sidan i Bergen. Hans studieaar i Kjøbenhavn 1666 flg. var overmaate tronge.

Den Tid var Guld og Penge  
mig ikke til Besvær,  
Jeg derfor maatte trønge  
at laane her og der.<sup>36</sup>

Og hans vilkaar var ogso ytterleg magre, daa han kom heim og skulde tena sitt brød, fyrst som huslærar hos den residerande kapellanen i Vefsen, og fraa 1673 som personell kapellan hos den residerande kapellanen i Nesna. Dei vanlege vilkaar for ein huskapellan reknar han jamngode med "et Brød foruden Smør", det var 12 rdl. i løn og ei støvlehud. Daa han no ogso gifte seg og sette hus, kann me forstaa at hans kapellanaar var snaude nok. "Jeg som en anden Bonde arbeidet for mit Brød," segjer han.<sup>37</sup> "Mit Embeds Indkomster var aldri saa god', At jeg kunde kjøbe en Sko til min Fod, Og Hoser at skjule min' Hæle."<sup>38</sup>

Ei munaleg forbedring i dei ytre kaar vart det, daa Petter Dass i 1681 rykte upp til residerande kapellan i Nesna, og han kunde ikkje ynskja seg meir, daa han i 1689 vart utnemd til sokneprest i Alstadhaug, - dengong eit stort og rikt kall, som sidan er delt i sju prestegjeld, ja det galdt i daatide for aa vera "det rigeste og fornemste kald, ikke alene i Nordlandene, men i al Trondhjems stift", og ein prest kunde der - som Peder Claussøn segjer - "leve som en Herre". Petter Dass greiv - som so mang ein Nordlandsprest i den tid - ogso jektebruk, og han var mann for aa kjøpa alt kongsgodset i Vefsen, - "hvilket er det aller skjønneste gods i alle Nordlandene".<sup>40</sup> Men um Petter Dass vart ein velstandsmann, gløynde han aldri at han hadde vore fattig, - han var godgjerande, hjelpsom mot enkjer og faderlause, gjerne reide til aa gjera sin næste ei tenesta med laan av korn eller pengar, og med gjestmilda imot vegfarande.<sup>41</sup> I 1692 mista han alt det han aatte, ved forlis, men

han kom seg uppatt. Dette var hans fyrste store prøving i livet, men verre var det, at han vart helselaus, i sine 7 siste aar var han plaaga av steinsott og leid usegjeleg.

Ingen prest i Nordland hev vorte folkekjær som Petter Dass. Etter hans død var det vanleg skikk aa sy ein bit med svart ty i raaseglet paa Nordlands-jaktene, - den skikken heldt seg i meir enn halvtanna hundrad aar. Og i folketradisjonen levde han som ein segnfigur i slekt etter slekt. Det som gjorde han so umtykt, var hans sunde, frodige personlegdom med det rike hjartelag og det friske humør, hans folkelege lynde, hans barnlege faste gudstru. Hans verksemd i kyrkjelydane er i hans levetid karakterisert av hans læresvein og kapellan hr. Sten Wirthmand soleis:

Med Munden tolker han den ud  
Guds rette Sti og Lære.  
Ved Pennen maa hans Sanges Ljud  
Dem yndig Frugt hjembære.  
Af Prædiken og Sange-Digt  
Hans Kirke-Hjord har Trevnet,  
Samt og af det, som vitterligt,  
Hans Hyrde-redligt Levnet.<sup>42</sup>

Og Petter Dass visste, at han var umfata med kjærleik av sin kyrkjelyd:

Jeg Guds uværdig' Tjener,  
Jeg ved jers Vilje nok:  
Om Gud imod ei vaar,  
I gjerne ønske vilde  
Mig Liv af Hundred Aar.<sup>43</sup>

Petter Dass byrja si verksemd som høve-diktar. Gjennom tretti aar forfatta han ei mengd dikt til alle mogelege høve, minnedikt ved jordeferd, brudlaupsdikt, rimbrev, dikt um ulukkelege eller merkelege hendingar, - dei gjekk upp i nærpaahundrad i tal, men snaut tridjeparten av dei er no kjent. Langt over desse høvedikt staaar nokre visor som er serskilt utkomne i prenten, deriblandt tvo gripande sjølvbiografiske dikt. Og uforgjengeleg verdi hev hans vidgjetne skildring av den landskuten der han hadde sin heimstad og si verksemd: "Nordlands Trompet", der han paa ein einestaaande poesirik maate syng um landslaget og dyrelivet, folket og levekaari.

Men naar Petter Dass fortener ein plass i kyrkjesoga, er det fyrst og fremst som forfattar av gudelege songar. Her gjeld i serleg forstand Welhavens ord, at Petter Dass aatte "den homeriske gyldne enfold". Kva emne han her tek fyre seg, fraa den heilage saga eller fraa kristendomskunnskapen, forstaar han, ved sin levande og konkrete maate - i skildring eller undervisning - aa gjera innhaldet aaskodelegt og friskt. Den verdslege og den gudelege diktaren er likesom tvo personar hos Kingo. Men hos Petter Dass er der ein inderleg samanheng. Hans verdslege dikt er gjenomtrent av religiøs grunnstemning, og i sine gudelege poesiar nyttar han bilæte og døme fraa naturi og det daglege livs røynsla.<sup>44</sup>

Si religiøse dikting hev Petter Dass fordelt i fire samlingar: "Aandelige Tidsfordriv eller Bibelske Visebog, det er: adskillige bibelske Historier, uddragne af den hellige Skrifts Bøger, alle Lysthavende til Fornøielse udi Rim forfattet". Han fortel her ei rekkja episodar fraa det Gamle Testamente - um Skapingi, Gideon, Jefta, Samson, profeten Elisa, trollkvinna i Endor, Job, Nabal - og han diktar um dei fire ropande synder i Bibelen, um sjutal i Bibelen, um Jesu sju ord paa krossen.

Dinæst hev han sett tri bibelske bøker fraa det Gamle Testamente paa vers, nemleg um "3 fornemme kvinder": Ruth, Ester og Judith.

Vidare hev han "sangvis forfattet" evangelie-tekstene til kyrkje-aaret, "udi bekvemme melodier".

Men merkelegast er hans "Katechismus-sange", der han hev umskrive heile Luthers Katekisma med Hustavla paa vers: "Dr. Morten Luthers lille Katekismus forfattet i bekvemme Sange under føielige Melodier". Ingen stad hev Petter Dass naatt høgare i gudeleg dikting enn her. Paa ein vidunderleg maate hev han forstaat aa klæda lærestoffet i Katekisma i livfulle vers.<sup>45</sup> "Ikke alene er Katekismus-Sangene den modneste Frugt af Dass's Digter-Virksomhed, - segjer hans biograf A. E. Erichsen - , men de udholder Sammenligningen med de ypperste Skrifter vor Literatur har at opvise i den Retning. Der er i disse Sange en Rigdom paa Tanker, en Færdighed i den poetiske Behandling, en Varme og Hjertelighed i Foredraget, som for hine Tider i Sandhed var et Særsyn. Man kan endnu efter to Aarhundreders Forløb læse det ene efter det andet af disse lange Digte uden at trættes. Der er intet af Dass's Skrifter hvor man faar saa klart et Syn for denne merkelige Personlighed."<sup>46</sup>



Katekisme-songane er dikta til kjende melodiar, mest eldre salmetonar, men også verdslege visetonar. Dei flytande vers og iøyrefallande rim gjorde Dass's songar uvanleg lette aa læra utanaat, og det er mange som hev kunna dei paa sine fingrar. - Og til Petter Dass's songar vart det og sett nye tonar, - det skal vera funne minst like so mange folkemelodiar til honom aaleine som til alle vaare andre diktarar tilsaman.<sup>47</sup>

Av Petter Dass's dikt vart berre eit einskilt prenta i hans levande live. Katekismussongane var ferduge til utgjeving i 1698, Nordlands Trompet i 1700. Men inkje av hans større arbeid kom ut i prenten fyre etter hans død. Likevel maa Petter Dass ha vore rett godt kjend, som diktar i si eigi samtid, ikkje berre i sin eigen krins og kyrkjelyd, men også vidare ikring - hans dikt maa nemlig ver<sup>a</sup> spreidt i avskrifter.<sup>48</sup> - Dei beste av Petter Dass's skrifter fekk ei einestaaande utbreiding og eit langt liv i dei trykte utgaavor. Av Bibelsk Visebok kjenner me 28 opplag, av Katekismus-songane 23, av Evangelia 14.

Salmediktar i eigenleg forstand var Petter Dass likevel ikkje, - til salmar var songane hans for lange, og dei fall ikkje riktig inn i salmetonen. Av Katekismesongane hev Landstad skilt ut og lempa paa dei vers som vart best skikka til kyrkjelegt bruk og gjort salmar av dei og teke upp 8 slike i salmeboki; av dess finst 5 i den Reviderte Landstads salmebok, og dertil 2 andre, i alt 7:

O Jesu, for din Alterfod.	L. nr. 58.	RL.nr. 689
= Alterens Sakrament, 1ste Sang, v. 1,26,21,32,33,34.		
Her er det Ny' som paa Jorderig Skedte.	L. nr. 149	
= 2den Troes Artikel, 3dje Sang, v. 13-17.		
Verden i det Onde sänkes.	L. nr. 157	RL.nr. 140
= 3dje Troes Artikel, 9de Sang, v. 24 flg.		
Gjør godt mod dem som dig mon hade.	L. nr. 218	
= 5te Bud, v. 16-17, 23-28.		
Gud, jeg tror og det bekjender	L. nr. 248	
= 3dje Troes Artikel, 9de Sang, v. 1-14		
Kirken er til Moder Kaaret.	L. nr. 293.	RL.nr. 276
Av Landstad, inspirert av 3dje Troes Artikel, 9de Sang		
Solen paa Himmelen lukked sit Øie.	L. nr. 354.	RL.nr. 345
= 2den Troes Artikel, 5te Sang, v. 18.19.21-23.		

Velsignet vær, o Jesu Krist. L. nr. 355 RL. nr. 346  
 = 2den Troes Artikel, 4de Sang, v. 19,20, 23-25.  
 Herre Gud, ditt dyre navn og ære RL. nr. 25  
 Etter Katechismus Sange, Fader Vor, 1ste bøn. (GJ nr. 29)  
 Om alle mine lemmer var full av bare sang RL nr. 727  
 Etter "Hr. Petter Dass's Levnetsløb" (Saml. Skr. I, 207 ff)

Hundrad aar etter Petter Dass's død kunde sunnmøringen Sivert Aarflot vitna fraa si heimbygd Volda, at Katekisme-songane "havde virkelig den største Deel i Folkets Kundskab og Moralitet".<sup>49</sup>

Ogso som diktar vilde Petter Dass vera lærar, - hans gudelege dikting, og daa fyrst og fremst Katekisme- songane, hadde eit didaktisk fyremaal. Han vilde undervisa, rettleida, formana. Og som gudeleg diktar staar han ikkje aaleine i so maate. Det er eit gjennomgaaande drag i salmesongen fraa 100-talet, serleg den som hev kyrkjeleg karakter, at songaren siktar paa aa læra og aa uppseda. Det pædagogiske gaar hand i hand med det oppbyggelege. Og difor hev just salmediktingi paa 1600-talet spela ein veldig rolle i den kyrkjelege folke-uppseding.

## NOTER TIL KAP. XII, 13: GUDELEG DIKTING I NOREG

1. 1938 9/9 10<sup>15</sup>-11. 2 tilh. 1941 7/3 11<sup>15</sup>-12. 6 tilh.
2. Brandt og Helweg I nr. 275
3. Br. H. I nr. 276
4. Bl. Sv. I, 178.
5. Bl. Sv. I, 179
6. Hans Skov. Peder Olufsen Svegning bl. 7
7. Rørdam II, 36.
8. s. 31
9. s. 36
10. I, s. 172
11. s. 159-163.
12. Rørdam I, 225, n. 15 Theol. T. Ny R. VII, s. 58, n.1.
13. Rørdam I, 224.
14. Bl. Sv. I, 88.
15. Bl. Sv. I, 179.
16. F. Bull II, 195.
17. Bibl. Norv. III. 975. F. Bull II, 194
18. 1936 14/5 9<sup>15</sup>-10 2 tilh.
19. Bl. Sv. I, 165 f.
20. Bull II, 184
21. Brandt + Helweg I, s. 371
22. Bull I, 185.
23. Blom Svendsen I, 159.
24. NS 1925, s. 63.
25. Bull I, 185
26. 1938 9/9 11<sup>15</sup>- 12 1 tilh.
- 26a. Blom Svendsen I, 138
27. Blom Svendsen I, 155
28. NS 1935, s. 73.
29. NS 1925, s. 75
30. Blom Svendsen I, 190.
31. 1936 14/7 10<sup>15</sup>- 11. 2 tilh.
32. Blom Svendsen I, s. 149-53.
33. Øverland V, 559. ? etter Nova litteraria maris Baltici et Sept.17C
34. Vers citert av Blom-Svendsen I, 194.
35. 1941 14/3 10<sup>15</sup>- 11 5 tilh.
36. Erichsen I, X.212 f.

37. 214
38. Erichsen I, XII
39. p. XIV
40. p. XIV
41. Erichsen I, p. XIX. Dassiana 122.
42. Dassiana 129
43. I, 215.
44. Erichsen I, p. LIX.
45. Gode dømme: Apost. Troes Art., 5te Sang, s. 269. Fader Vor,  
2den Sang, s. 317. Alterens Sacr., 1ste Sang, s. 389.
46. I, p. LX.
47. N. Biogr. Leks. III, 280.
48. Dassiana, 129
49. N. Biogr. Leks. III, 280.

#### 14. Katekismeupplæringi.

Den oppgaaava som reformasjonen hadde etterlate den fylgjande tid, - aa gjeva heile folket ein evangelisk kristendomskunnskap, hadde det i vaart land ikkje lukkast aa løysa paa tilfredsstellande vis, daa 1600-talet rann. Men det hundradaaret, som i kyrkjesoga ber namnet rettrunadstidi, hev her set ei av sine største oppgaaavor, og hev utført ei stor pedagogisk gjerning ved driva katekismeundervisningi fram til verkelege og varige resultat.

Luthers litle katekisma hevda stadig sin plass i all kyrkjeleg undervisning som den grunnleggjande lærebok, med beint fram kanonisk karakter. Ho vart prist i høge tonar som den litle bibelen, dei fem gyllne blad, o.s.v.<sup>1)</sup> Ved Christian V's danske og norske lovbøker vart ho opphøgd til vedkjenningskrift i baae rike. Men i røyndi hadde ho lenge havt denne rang.

Det var Sjøllands biskop Hans Povelsson Resen, som gav Luthers litle katekisma den form som vart grunnlag for alle seinare katekismeutgaaavor, ikkje berre paa 1600-talet, men og gjenom heile 1700-talet, ved ungdomsundervisningi. Resen vilde føra den danske katekisma tilbake til samsvar med den rette originaltekst, og ved gransking freista han aa løysa tekstproblemet, men han famla og tok imist og umsette katekismeutgaaavor som ikkje var den lutherske original. I si fyrste katekismeutgaaava av 1608 fylgde han den tyske tekst i Leipzig-utgaaava av Luthers skrifter 1544; men dåa han fann at denne tyske tekst maatte vera umsett fraa latin, gjekk han ut fraa at den latinske tekst i Wittenberg-utgaaava av Luthers skrifter 1550 var den opphavlege og la den til grunn for ei ny utgaaava av 1616 til skulebruk med latinsk og dansk tekst. Det var eit mistak, for den latinske tekst var ei umsetjing ved onnor hand og veik paa fleire punkt av fraa uttrykksmaaten i Luthers tyske tekst.<sup>2)</sup>

Den hittil brukte danske katekisma var umsett av Peder Palladius i 1538, etter Luthers Enchiridion av 1531, som inneheldt den tyske katekisma i si endelege seksdelte form og med fleire tillegg; Bugenhagen hadde autorisert umsetjingi av 1538, som skulde treda i staden for ei umsetjing Palladius hadde gjort i 1537 etter den eldre femdelte form av katekisma fraa 1529, noko avkorta og utan Luthers tillegg.<sup>3)</sup> Resen gjekk ut ifraa, at Palladius's fyrste umsetjing av 1537 fylgde den rette tekst, og slutta seg difor til den i si umsetjing av 1616. Ogso her gjorde Resen seg skuldig i eit mistak.

Skilnaden millom Luthers tyske katekisma av 1531(A) og den latinske umsetjing av 1529(B) var ein skilnad baade i ordlyd og i umfang. I dei danske katekismeumsetjingar var skilnaden i ordlyd meir eller mindre utviska, ogso i dei tvo umsetjingar av Palladius og i nokon mun jamvel hjaa Resen 1616. Sakleg set gjeng heller ikkje skilnaden i ordlyd so djupt som Bang og Berggrav vil ha det til.<sup>4)</sup> Viktigare er skilnaden i umfang, daa den latinske umsetjing (av 1529) saknar stykke som

Luther hadde lagt til i den endelege tyske tekst av 1531, spesielt stykket um skriftemaal og avløyning.

Naar Resen soleis meinte aa ha funne tilbake til den originale form for Luthers katekisma, var det sjølv sagt at han ogso kjende seg kalla til aa verka for, at hans umsetjing kunde finna inngang og verta brukt ikkje berre i dei lærde skulane, men ogso ved folkeundervisningi i Danmark og Noreg, og at han utarbeidde hjelpemidlar.

Med dette i tanke forfatta Resen ei rettleiding til overhøyring<sup>5)</sup> i katekisma ved visitas og i skriftemaal, med titelen: Eenfoldige Spørgsmaal for Børn til at løbe Luthers lille Catechismi Parter igiennem med, i almindelig Visitatz oc ofuerhørelse, oc siden for Skriftemaal, paa det korteste.<sup>6)</sup> Her innførte Resen tvo nye viktige ting: For det fyrste forma han overhøyring i spursmaal og svar, ein maate som sidan vart uppteken av andre og med tidi vart aalmenn i barnelærdoms-undervisningi. Det andre er, at han ved serlege overgangsspursmaal og svar søkte aa faa ungdomen til aa forstaa samanhengen millom partane. - Til dette Enfoldige Spørgsmaal la Resen nokre andre (7) stykke, deriblandt stykket um Skriftemaal og avløyning fraa Luthers seksdelte katekisma av 1531 (etter Palladius's umsetjing av 1538), for dette stykke vanta i den femdelt latinske katekisma Resen la til grunn for si umsetjing. Og dinest ei undervisning fyre altargang, med titel "Christelige Spørgsmaal med deris Giensvar, for dem som ville gaa til Sacramentet, stillede paa det eenfoldigste." Disse spursmaal gjekk under Luthers namn, men var samanstelt av Luthers ven Johann Lang (fyrst trykt 1549).<sup>7)</sup> - Resens skrift kom ut i 1627 under titelen "Om Børnelærdoms Visitatz".<sup>8)</sup>

Aaret etter gav Resen ut si tridje og endelege katekismeutgaava, ihopsett av: 1) Resens danske umsetjing av 1616, 2) Børnelærdoms Visitatz fraa 1627. Hertil vart sidan lagt ein 3dje del: "Sententser af Guds Ord", som var samanstelt av Resens ettermann paa Sjællands bispestol Jesper Brochmand; dei vart fyrst upptekne i ei ny og utvida utgaava av Resens katekisma som var tilskipa i 1644 av hospitalspresten Anders Mathisøn Hiøring i Kjøbenhavn.<sup>9)</sup>

I dei seinare katekismeutgaavor er daa grunnstokken Resens katekismetekst med Børnelærdoms visitatz og Brochmands Sententser, dertil ymse andre stykke, eldre eller nyare, serleg bønner. Paa 1600-talet vart katekisma ofte uppteki i dei sokalla aandelige haandbøger o.l., som bokhandlarane gav ut. Seinare utgjorde ho stadig eit tillegg til den Kingo'ske Psalmebog. - Men Palladius's katekismetekst var framleides lenge i bruk, til ikring 1680 ("den gamle katekismus").<sup>10)</sup>

Ved sida av den snaude katekismetekst var det trong til hjelpemidler som kunde gjera undervisningi meir fruktberande. I tilknytning til den litle Børnelærdoms Visitatz av 1627 utgav Resen i 1628 ei ut-

førlegare utlegging av katekisma med rettleiding for lærarane.<sup>11)</sup> Ho hev titelen: D. Morten Luthers lidle Catechismi oc Børnelærdoms Visi- tatz, med adskillige eenfoldige Paamindelser etc. for Provster, Prester, Degne, Substituter oc Skolemestere tillige.<sup>12)</sup> Ho kom i ny og utvida utgaava 1633.<sup>13)</sup> - Etter paalegg av kongen forfatta Resen i 1634 ei forklaring over Luthers katekisma til bruk for ungdomen i dei lærde skulane. Boki var paa latin, men Resen sendte samtidig ut ei utgaava paa dansk, med tanke paa ungdomen i dei danske skulane og paa landet. Resen gav boki titelen "Integer Catechismus", "Dend heele Catechismus",<sup>14)</sup> og vilde helst ha ho rekna for ei utvida katekisma. Han freista her aa lempa Luthers katekisma etter Melanchtons Catechesis, serleg ved aa gjeva skriftemaalet plass i sjølve katekisma, samtidig som han ogso fylgde Palladius i hans katekismeforklaring for norske sokneprestar.<sup>15)</sup> I 1636 sendte Resen ut ei metodisk rettleiding for katekismeundervisningi: "Instructio executionis catecheticae, secundum Lutherum, Huorledis Cate- chismi Øfvelse bør at drifuis".

Resens kateketiske forfattarskap og verksemd øvde vidtrekkjande innverknad, langt ut over hans eige bispedømes grensor, og ut over hans eigi samtid. Og han fekk ein stor flokk oppglødde disiplar, som med kraft heldt fram med hans arbeid i baae rike.

Dei mest dugande av Resens etterfylgjarar som kateketiske for- fattarar finn me i Noreg. Katekismeforklaringar vart utgjevne av tri av vaare biskopar, og av tvo prestar.

Den fyrste var "Guds Ords første alfabet, som er: den christe- lige lærdoms fornemste hovedstykker, i korte og enfoldige spørsmåal for- fattede, til den lille Luthers Catechisme og Børnelærdoms forklaring, for ungdommen i Bergens stift sammenskrevne af Ludvig Hanssøn Munthe, superintendent i Bergen", 1644.<sup>16)</sup> Munthes bok er ei oppbyggeleg ut- legging av barnelærdomen for aalmugen, i spursmaal og svar. Ho høvde ikkje til aa læra utanaat - dertil var ho for tung. Eit av fyremaali med boki var aa retta dei unge og einfaldige i ymse innbillningar som det var naudsynleg aa faa forandra hos deim; han polemiserar sterkt imot vranglærdom og papisme, ogso imot leivningar av katolske skikkar i bygdene, aa fara til Røldals kyrkja og til St. Hans's og St. Olavs kjeldor. - Den vidlyftige forklaring av dei 5 partane i katekisma er gjennomvovi med bibelspraak og bibelske døme. Munthe viser seg her som ein læresvein av Jesper Brochmand, han hev gjort aalvor av at all læra skulde byggjast paa Guds ord. Elles hev boki ein praktisk pedagogisk tendens, som kjem fram i rettleidingane for mange tilfelle i det daglege livet - um naudverja, skilsmaal, kyrkjedisiplin, etc.<sup>17)</sup>

Ein annen karakter hev den boki som faa aar etter vart utgjevi av Munthes embetsbroder i Stavanger, superintendenten Thomas Carlsson Wegner: "En liden haandbog som indeholder Lutheri forklaring over de

fem hovidstykker i børnelærdommen, og hustavlen, og derforuden adskillige skøne og tenkverdige stykker udi enfoldige spørsmåal fremsette", 1648. Wegner sluttar seg nær til Resens ordning av katekisma, men han viser seg òg aa vera vel kjend med den kateketiske litteraturen i Tyskland, og boki hans minner i fleire stykke um kateketiske arbeid av den schwabiske reformatoren Johann Brenz, soleis i det, at han gjer daapen til utgangspunkt for barnelærdomen, han knyter skiftemaalet nær til altarsakramentet, nyttar bodordi som syndespegjel, og utviklar ~~handboka~~ ~~um~~ umvending og pønitense under 5te parten um nattverden. Wegners handbok byrjar med daapen og endar med nattverden, - ho vil soleis ikkje berre vera ei lærebok til aa innprenta sanningi, men ogso ei katekumenbok som skal føra dei unge inn i kristenlivet i kyrkja. Og i 2dre luten, hustavla, der han sluttar seg til Luther, vil han visa kva som høyrer til den daglege gudsfryktsøving i heimen. - Wegner nyttar ikkje Skrifti som kjelda i si framstilling soleis som Munthe - boki inneheld faa bibelcitater. - Men det er ikkje tvil um, korleis han ser paa tilhøvet millom katekisma og bibel: "Catechismus," segjer han, "er ên kerne af den H. Skrift, ja de bedste blomster af den hele bibelske have." "Catechismus er en liden Bibel, eller en kort sum derover." - Wegners bok var ingi lærebok - ho vil tena til rettleiding for prestane ved overhøyringi, serleg framfyre den fyrste altargangen, og ved vistas. <sup>18)</sup>

Ei tridje kateketisk handbok vart utgjevi 1673 av Erik Eriksson Pontoppidan (d. eldre), superintendent i Trondheim: "Luthers lille Catechismus med anmerkninger, for ungdommen i Trondhjems stift", eller som titelen lyder i seinare utgaavor (1741ff.): "Doctor Morten Luthers Lille Catechismus, med enfoldige Spørsmåal til at løbe Catechismi part-er igjennem til overhørelsen, undervisning om skriftemaal, christelige spørsmåal og gjensvar for dem som ville gaa til sacramentet, dyrebare sententser af Guds ord til troens bestyrkelse, nogle udvalde Davids psalmer, nogle korte brugelige bønner, og flere nyttige spørgsmaal." Dei eldste utgaavor fraa 1673-1690 er ikkje lenger til, men sannsynlegvis er boki den same som er upptrykt fleire gonger i Trondheim 1741-60, - det viser at ho hev vore nytta i Trondheima stift i nærpaa 100 aar. - Pontoppidans bok er ikkje nokor eigenleg katekismeforklaring, men berre ei katekisma med merknader, og dei er heller ikkje mange. Men han skal òg ha skrive ei forklaring til katekisma, og mogeleg er ho identisk med dei "christelige spørgsmaal og svar for de enfoldige", som finst blandt tilleggi i utgaava av 1741; desse spursmaal og svar er godkjent til prenten i 1690, fleire aar etter Pontoppidans død.

Saman med katekisma paa den eine sida og dei tillagte salmar og bønner paa den andre sida, utgjer det heile eit slags system som minner um den vidt utbreidde katekismus fraa 1639 av den tyske lutherske teologen Justus Gesenius, overhovprest og generalissimus for fyrstedømet



Kalenberg. Ho utgjorde ein tredelt cyklus, med framskridande og ulikt innhald i dei ymse lutene; <sup>19)</sup> til siste luten høyrer Gesenius's Katechismusfragen, som hadde næstan symbolsk vyrdnad. Men Pontoppidans spursmaal naar korkje i innhald eller i form upp imot fyrebilætet. Pontoppidans spursmaal synest vera samanstelt for deim som skulde gaa til altars fyrste gongen, d.v.s. for katekumenar, - dei er m.a.o. ei liti, fatteleg kommunionbok, <sup>20)</sup> Hans katekisma er interessant derved, at han synest aa ha tenkt seg ei oppdeling i tre steg - fyrst barnelærdomen, so spursmaali um verdet av barnelærdomen for livet, serleg med tanke paa altargjester, og endeleg salmar og bønner til bruk for kyrkjelyden. Desse bønnerne er tri: ei bøn til aa beda av bonden um sumaren naar grøda stend paa marki, ei takksegjing for god haust, og ei dagleg bøn til aa beda av husfaderen for hans heile hus. <sup>21)</sup>

I tri av vaare bispedøme var det soleis kome ut forklaaringar til katekisma, forfatta av biskopane. - I det fjerde bispedøme, Christiania (Oslo-Hamar), var det prestar som arbeidde med oppgaaava, inspirert av biskopane fraa Nils Glostrup (1617-39) til Hans Rosing (1664-99), som dreiv kraftig paa den kateketiske undervisning.

Hr. Christen Staffenssøn Bang, sokneprest i Romedal 1621-55, som ikkje kunde finna løvord sterke nok for Luthers katekisma, tok til aa skriva ned sine tankar um katekisma, nærmast for sin eigen kyrkjelyd. Men han vart oppmana av embetsbrødrar til aa gjeva ut sitt arbeid i prenten, og iser var det biskop Nils Glostrup som gjorde utslaget. Bang studde seg til dei prinsipp som biskopane Glostrup, Oluf Boesen og Henning Stockfleth fylgde paa visitas. Etter titelbladet hadde hr. Christen etla sitt verk til bruk for "vores christelige ungdom i Danmark og Norge samt andre til sand Gudfrygtigheds øvelse", men daa det voks langt over eit rimelegt umfang, hev han vel tenkt seg, at fyrst og fremst hans embetsbrødrar skulde ha nytte av det. Daa han tok til aa prenta verket i Christiania i 1650, i sitt 70de aar, skulde det etter planen umfata 3 tomar, men det voks og voks under hans hender, og vart fullført i 1665 i 8 tomar, paa tilsaman 8841 sidor. I dette mektige verk, det største som til daa og lenge etter er utgjeve av nokon norsk forfattar og prenta i nokor norsk pressa, umhandlar Bang i dei fem fyrste tomarne dei fem partane i katekisma, og i dei tri siste bønnerne og hustavla. Forutan forklaaring til katekisma, med spursmaal og svar, inneheld verket preikar og bønner og lovsongar til kvart hovudtema. Bangs verk ber difor titelen "Postilla catechetica". - Det vitnar um ein omfattande lærdom. Han citerar rikeleg klassikarane, kyrkjefedrane og reformatorane, og er vel heime i den Heilage Skrift. Han hev nytta Luthers store katekisma, og hev kjent ein heil del tysk kateketisk litteratur, iser hev han nytta den store forklaaring over Luthers litle katekisma av den tyske teologen Polycarp Leyser, professor

i Wittenberg og hovprest i Dresden (1552-1610).

Ei verkeleg lærebok for ungdomen vart forfatta av Hr. Knud Sevalds-søn Bang, sokneprest paa Toten 1662-94. Straks han kom til Toten som prest, byrja han aa skriva ned ein del kateketiske spursmaal og svar, som han truleg hev brukt ved den fyrste altargangen og til rettleiding for deknen. Hans fyredøme var biskop Hans Rosing, som innretta sin katekisasjon slik, at ungdomen skulde svara paa dei framsette spursmaal med Luthers eigne forklaaringar i katekisma; denne framgangsmaaten var komen i bruk baade i Slesvig og i Danmark i kateketiske skrifter.<sup>22)</sup> Elles hev Bang nytta norske og danske katekismearbeid som var utkomne sidan Resens tid. Mange, baade i og utanfor kyrkjelyden, iser embetsbrødrar, oppmana han til aa gjeva ut sitt arbeid. Hans katekismeforklaaring, som nærmast var tiltenkt hans eigen kyrkjelyd, kom ut i 1681 med den barokke titelen: "Den søde og velsmagende Catechismi Bryst-Melk, uddragen af de tvende Guds kjærligheds bryste, det gamle og det nye testamente, ved den dyre Guds mand D. Morten Luther, mens nu stykvis og i korte spørsmaal afdelt, den enfoldige ungdom til dis bedre anledning."<sup>23)</sup> Forfattaren, som var noko av ein bilætkunstnar, hev utstyrt boki med eit koparstykke titelblad: fraa brjosti aat Christus strøymmer straalar av mjølk, som vert uppsamla av englar i kannor og derifraa hellt ned i eit kar, som staar paa eit bord umgjeve av slangen, dauden og djevelen.

Det var meiningi at boki skulde lærast utanaat, og forfattaren legg foreldri inntrengjande paa hjarta, at dei ikkje maa halda dei unge fraa kunnskapen um Gud. Han held heile boki nær upp til Luthers utlegging, men etter den tids vis uppstykkja han stoffet sterkt i over- og under-avdelingar, og trass i sin praktiske plan er ho difor blitt noko innvikla og maa ha vore retteleg tung aa læra. Bang tok umsyn til, at dei fleste hadde lært den gamle katekismetekst av Palladius, men mange ogso den nye av Resen, og der dei tvo katekismorne skilde seg fraa kvarandre, sette han baae tekstformer jamsides. Det viser, kor seint det gjekk i Noregs bygder innan noko nytt trengte igjenom, - det var daa over 50 aar sidan Resens umsetjing kom ut. - Bangs arbeid er ein respektabel freistnad paa aa løysa den vanskelege oppgaava aa gjeva ungdomen ei bok som paa same gong skulde vera til undervisning og oppbygging. I Noreg er ho den fyrste forklaaring for begynnarar.<sup>24)</sup>

Reformasjonen hadde gjort katekismeundervisning til ei hovudoppgaava for prestane, og til ein fast led i kvar sundags gudstenesta. Dei nye hovudlovene, som vart gjevne um kyrkja paa 1600-talet - forordningi um kirkens embede 1629, recessen av 1643, og Christian V's Danske Lov 1683 og Norske Lov 1687, - gjorde ingen forandring i denne ordning, men alle desse lover tok oppatt og presiserte paabodet i ordinansen. "Præsterne paa Landet skulle uden nogen Forsømmelse endelig- en anvende den sidste Deel af Prædiketimen til Børnelærdommens Forklaring med Lutheri Udleggelse, paa det de Gamle saa vel som de Unge ret

til Grunde maa forstaa samme Lærdoms Mening og den vide at føre til Brug i Liv og Levnet, hvilket i Synderlighed af Præsterne drivis skal."25) I byane skulde barnelærdomen etter ordinansen, utleggjast ved ei serleg katekismegudstenesta "etter maaltid", den sokalla "tolvprediken". Utgjenom 1600-talet synest den tildels aa vera gaatt av bruk. Christian V's lover innførte difor den same ordning i byane ved aftansong um sundagen som i høgnessa paa landet, at siste luten av preika skulde nyttast tiå barnelærdomen.<sup>26)</sup> - Dei danske medlemene av revisjonskommissionen for Danske Lov fyreslo, at tolvpreika skulde bytast um med katekismeoverhøyring, men det gjekk ikkje igjenom.<sup>27)</sup> Det skulde framleides preikast katekisma ved tolvpreika, likeins ved laurdags-aftansong fyre skriftemaal, der desse tenestor var i bruk.<sup>28)</sup> - I det heile hev soleis Christian V's lover halde uppe og understreka katekismeundervisningi gjenom gudstenesta.

Denne liturgiske sundagskatekismeundervisning ved presten var ein tradisjon fraa den katolske tid, - ein skipnad som den evangeliske kyrkja ut fraa sin sterke pedagogiske interesse heldt trufast paa og gav ein sikker plass. Men samtidig utvida reformasjonen den kyrkjelege katekismeundervisning ved aa setja deknene til medhjelpar for presten i denne gjerning. Ordinansen fyreskriv, at deknene skulde lesa katekisma med borni ein gong i vika, paa den stad og til den tid som presten fyreskreiv.<sup>29)</sup> Denne skulevorne katekismeupplæring utanum gudstenesta vart visseleg skipa paa ymis maate paa dei ymse stader, og me hev lite kjennskap til, korleis dekneskulen var innretta i den eldste tid. Den vanlege ordning i Danmark torde vera den som vart fyreskrivi av det danske bispemøtet i Kjøpenhamn 1555: Deknen skulde lesa katekisma med borni kvar helgedagsmorgon i kyrkja, og dessutan i dei tri store høgtidene um ettermiddagane "i en dannemands hus".

Men det synte seg, at sundagen ikkje rokk til for prest og dekn til aa læra ungdomen katekisma, - serleg var det tilfelle i Noreg der folk budde so spreidt - og det vart med tidi vanlegt aa taka ein vikedag attaat til katekismeundervisning. Det er biskop Anders Foss i Bergen, som byrja med dette, og paa synoden i Bergen 1589 gav han prestane ei rettleiding til aa nytta laurdagane til katekismegudstenesta og katekismesøvingar (det var enno for faa deknar). Dei gjekk fyre seg soleis: Um laurdagsmorgonen for presten til ei annekskyrkja, der det var messefall neste dag. Her eksaminerte og underviste han fyrst ungdomen, serleg den millom 7 og 15 aar, ein times tid eller tvo i katekisma, slik at han innøvde sjølve katekismeteksti etter ordlyden med dei yngre, og øvde dei eldre tillike i forklaaringane og gav deim undervisning um sakramenti. Deretter heldt han ei preiketenesta med salmar og bøn, ein stutt tale over sundagsevangeliet og ei forklaaring over eit stykke av katekisma, som vanlegt i sundagshøgnessa.<sup>30)</sup>

Ved sine visitatsar paa Hadeland og Ringerike 1623 og i Gudbrands-

dalen 1624 byrja Nils Glostrup aa innføra ei fast ordning med deknundervisningi.<sup>31)</sup> Prestane skulde senda deknane ut i bygdi kvar laurdag til ein av fjordungane eller eit av anneksi etter tur, og der skulde deknen samla ungdomen og øva deim i barnelærdomen, og um sundagane skulde deknen undervisa borni i kyrkja um sumaren ein time fyre preika, og um vinteren paa gardane.<sup>32)</sup>

Ein slik skipnad, at det umfram katekismelesingi av prest og dekn i kyrkja vart halde deknlesing ein soknedag kvar vika i ei av soknerne i prestegjeldet, vart lovfesta i forordningi av 1629, recessen av 1643 og Christian V's Danske og Norske Lover; paa den dagen skulde all ungdomen i sokni samlast "paa den Stad, som Degnen dem henstævner med Præstens Villie og Raad", for aa verta undervist i barnelærdomen.<sup>33)</sup>

Dekneskulen utanfor kyrkja er, som ein skynar, opphavet til vaar umgangsskule. Bønderne hev teke imot skulen paa gardane, og den gamle inndeling av bygdi i fjerdingar eller sokneinndelingi er lagt til grunn.

Reformasjonen hadde lagt katekisme-undervisningi paa prest og dekn. Paa 1600-talet gjekk kyrkja eit steg vidare, og freista aa gjera heimane til sine medarbeidarar, baade born og foreldre.

Paa sine visitasar i Oslo, Hamar stift paala biskop Nils Glostrup prostar og prestar, at dei - "foruden hvis klokkerens embede udkrever" (Ngl 70) - "skulde tilholde di børn, som enten udi bøger kunde lese, eller ogsaa sig udi forklaringen havde forfremmed, at di hver løverdag om eftermiddagen skulde undervise deres naboers børn," og biskopen heldt det same fram for aalmugen og formana deim til det.<sup>34)</sup> Og ved Christian IV's kyrkjelege reformlover vart det paalagt prestane, ikkje berre aa minna foreldri um deira plikt til aa halda borni til katekisme-undervisningi, men ogsaa aa formana foreldri sjølv til aa læra ungdomen i huset det dei sjølv hadde lært, baade bøner og kristendomskunnskap, eit paabod som òg vart uppattteke i Christian V's lovbøker, og som hev verka til stor velsigning (NB. Randulfs husandakter).<sup>35)</sup>

Andsvaret for den kristelege opplysningi blandt folket kvilte fyrst og nærmast paa presten og hans medhjelpar deknen - um han hadde nokon. - Det skulde vera deira sak aa prøva korleis det stod til, ved overhøyringar.

Synoden i Bergen 1584 under biskop Anders Foss fyreskreiv, at borni i kvar sokn skulde samlast av presten eller deknen etter preika og overhøyrast i lærdomen, anten i kyrkja eller heime.<sup>36)</sup>

Regelbundne kyrkjekatekisasjonar vart innført av biskop Nils Glostrup ved visitasen i 1623: "pastorem en gang hver maaned publicè udi Kirken at skulle efter prediken udi den ganske almuis præsentia ungdommen examinere og exercere."<sup>37)</sup> I dette stykke var Nils Glostrup ein fyregangsmann. Fyrst hundrad aar lenger ned i tidi vart faste katekisasjonar med den samla ungdomen i kyrkja aalmenn lov (reskript 23. febr. 1720).<sup>38)</sup>

Kunnskap i den kristelege barnelærdom var vilkaar for aa gaa til altars. Individuell eksaminasjon skjede i skriftestolen. I reformasjonshundradaaret hadde ein maatt nøgja seg med minstemaalet: dei tri fyrste partane av katekisma, snaude ordi utan forklaaringar, eller naar det kom høgt, alle fem partane.

Paa 1600-talet vart kravi sett høgare. Ungdomen skulde læra heile katekisma og meir til: dei fem partane med forklaaringar. Undervisningi um skriftemaal og nattverd, morgon- og aftanbøner og bordbøner, og hustavla. Soleis vart forordningi av 1629 forstaatt, likeins recessen, og soleis vart lovi praktisert, so langt det var raad. Men det var òg dei som gjekk vidare og kravde Resens visitasspursmaal um samanhengen millom dei fem katekismepartane, kyrkjebøner o.m.

Forat presten kunde faa tilrekkeleg tid til den avgjerande prøva fyre fyrste altargangen, vart det gjort til plikt for ungdomen aa innfinna seg hos honom nokre dagar fyreaat, "at han bekvemmelig kan handle med dem derom." Og naar sø presten, eller ved visitasane prosten eller biskopen, hadde forvissa seg um, at ungdomen var mogen i kristendoms-kunnskap, vart dei godkjent til altargangen. Den individuelle overhøyring i skriftestolen vart soleis avløyst av offentleg visitas-overhøyring med dertil knytt godkjenning. Denne godkjenning reknast stundom for aa vera ei stadfesting, konfirmasjon, og kallast ogso slik, - og biskop Resen vilde at akten skulde skje med handpaalegging og bøn og velsigning.

Ei kraftig klemma paa den forsømelege ungdomen var den praksis, som hadde utvikla seg, at presten nekta aa trulova unge folk fyrr dei hadde gjort greida for sin barnelærdom. Det hendte, at prestane var so strenge i dette stykke, at biskopen laut aatvara deim um aa vera meir lemfeldige i kravi um kristendoms-kunnskap, naar det kunde vera "periculum pudicitiae".<sup>39)</sup> Som tvangsmiddel vart metoden likevel rekna for aa vera so tenleg, at eit kongebrev av 22. april 1645 gjorde det til regel: "De gemene unge folk skal ikke af presterne herefter trolovis, førend de der haver bevist, at de deres børnelærdom lært haver."<sup>40)</sup> - Kyrkje-ritualet 1685 upptok ei liknande fyresegn, ikkje so streng i formi, men med same verknad i realiteten: "Presterne maa ingen sammenvie, som ikke har været til Guds bord." Og til altars kunde ingen koma, som ikkje visste aa gjera greida for sin barnelærdom. - Etter biskop Resens rettledning um katekismeøvingar (1636) skulde dei som ved skriftemaalet vart funne aa ha gløymt si katekisma, læra ho uppatt, og til det fekk dei ein frest paa 1 eller 2 og høgst 3 maanader.<sup>41)</sup>

Men kunnskap aaleine reknast ikkje for nok. Det galdt ogso aa forstaa det som var lært, aa "vide at gjøre regnskab for ordenes mening." Difor var det Luther tok til med katekismepreikor fraa preikestolen - av dei framgjekk hans store katekisma. - Kyrkjelovene i 1600-talet la

prestane paa hjarta, - soleis som fyrr citert, - at deira katekismeundervisning fraa p̄ikestolen maatte drivast slik, at "de gamle saa vel som de unge ret til grunde maa forstaa samme børnelærdoms mening og den vide at føre til brug i liv og levnet." Og dei unge maatte ikkje stedast til Guds bord, "førend de have vel fattet deres børnelærdom, at finde deraf den rette mening i hjertet, og derhos hvorledes de skulle bekjende sig for presten og vide at svare til Lutheri smaa spøragsmaal om sligt, og saa forstaa hvad afløsningen haver med at føre" osv. - Aa "fatte" og "forstaa" innhaldet i ordi, og aa "finde den rette mening i hjertet", er det høgaste maal for katekismelæringi, og det som trengst for at skriftemaal og nattverd ikkje skal verta brukt berre som utvertes skikkar, men med frukt.

Og ved visitas kravde biskopane ikkje berre, at borni skulde kunne lesa utanaat dei fem partane med forklaaringar, men ogsa at dei skulde "forstaa sig nogenledes paa hvad det er" (Randulf).<sup>42)</sup> For aa fremja tileigningi av børnelærdomen og føra baade borni og dei vaksne inn i ein vidare kunnskap og innsikt i kristendomen er det, at katekisimeforklaaringane vert skrivne."

Naar det galdt undervisningsmaaten, hadde Luther vist vegen i innleidingi til si litle katekisma. Han kravde utanaatlæring av katekisma ord for ord, baade tekst og forklaaringar. Men han gav ogsa den gode raad aa inndela undervisningi i steg: Han nemner tri slike: Paa det fyrste steget skulde læraren halda seg til tekstordi i den litle katekisma, og innøva dei. Paa andre steget kom forklaaringane til kvart stykke, dei skulde innprentast paa same maaten. Og paa det tridje og øvste steget skulde læraren med hjelp av Luthers store katekisma gjeva disiplane ein "vidare forstand" paa alle stykke, med sikte paa skriftemaal og altargang. Den stegvise undervisningsgang kom serleg ~~paa~~ til nytte paa 1600-talet, daa lærestoffet voks i umfang. Forvitneleg er den freistnad som biskop Erik Bredal i Trondheim (1643-72) gjorde paa aa organisera kristendomsundervisningi i bispedømet etter dette prinsipp. Han utarbeidde ein fullstendig skuleplan som han sendte alle prostar og prestar til aa fylgja: Fraa 8-aarsalderen skulde all ungdomen først i manntal og haldast under katekismeundervisning aaret igjenom, "til forfremmelse efterhaanden." Dei unge skulde inndelast i fire "ordener" etter sin kunnskap, og overhøyrast av deknen i nærver av presten minst tvo gonger um aaret; det skulde skrivast upp i registret, kor mykji kvart born kunde, og dei skulde flytjast upp fraa den eine orden til den andre etter den framgang dei gjorde. Lærestoffet delte biskopen paa dei fire ordener soleis: Paa fyrste steg: dei 5 partar utan forklaaring, morgon- og aftanbønerne, husbøni og bordbønerne. Paa andre steg: Dei fem partane med forklaaring, og bøni fyre og etter katekismelesing. Paa tridje steg: Hustavla, og kyrkjebønerne fyrr og etter preika. Paa fjerde steg: Resens visitasspøragsmaal og svar um samanhengen millom katekismepartane, Luthers

undervisning um skriftemaal og avløyssning, spursmaal og svar fyre altargang (alt soleis som i Resens Børnelærdoms Visitats). Dei som hadde lært alt, og spesielt det som hørde til den fjorde orden, vart rekna for "sufficientes". Naar biskop og prost kom paa visitas, skulde registret synast fram, og ved overhøyringi undersøkte visitator, um borni hadde dei kunnskapar som registret viste.<sup>43)</sup> Ogso Bredals ettermann Erik Eriksson Pontoppidan synest - som fyrr nemnt (s. ) - aa ha ei oppdeling av kristendomsundervisningi i steg, um ikkje just paa Bredals skulevorne maate, so likevel skipa etter innhaldet og utviklingsgraden, i tre stadier.

Den store vansken i Noreg paa 1600-talet som i reformasjons-hundradaaret var mangelen paa deknar som vart skikka til lærarar, og paa ordentlegt livsupphald for dei. I 1604 klaga superintendentane, i utkastet til ein norske kyrkjeordinans,<sup>44)</sup> over at "der findes en stor og ulidelig mangel udi Norge paa sognedegne, saa at emod der er it giæld som haver sognedegn, da ere der femten som ingen haver. Og hvor som de endskönt kunde bekomme nogen som vilde tjæne for sognedegn, saa haver han dog hverken hus eller voning, ok derfor søger hver sin vei til næring." Kyrkjeordinansen av 1607 søkte aa retta paa dette<sup>45)</sup> - i samsvaret med framlegget fraa superintendentane - ved aa paabjoda, at det skulde vera ein soknedekn i kvart prestegjeld, og at "degnebolig" d.e. klokkargard, skulde utleggjast av godset aat (sokne-)kyrkja, og um det ikkje var mogelegt, skulde deknene faa jord til feste av krongodset, og elles skulde kongens befalingsmann gjera avtale millom soknefolket og deknene um "en tilbørlig underholdning, saa det gaar lideligen til paa baade sider." Men det gjekk traatt med aa faa lovi gjennomført. I Oslo-Hamar stift, opplyser biskop Glostrup i 1620, er "ikke tredie parten af sognene med degne forsørgede."<sup>46)</sup> "Degnene her udi stifterne - skriv biskopen - haver hverken residens eller degnebolig, som dennem burde efter ordinansen, ikke heller nogen besoldning, de dennem til livs ophold kunne behjælpe, hvorudover børnelærdommen ikke saa flittigen kan beforders som det sig burde, og man bønder, skræddere, skomagere og andre saadanne ulærde folk til saadan tjeniste maa acceptere, som sig med sit handverk livs ophold kunde erhverve og ungdommen i nogen maade udi deres katekese undervise."<sup>47)</sup> Aaret etter vart det klaga til kongen over, at "udi Stavanger stift ingen degne efter Norges ordinants holdes, og derover børnene udi deres børnelærdom forsømmes."<sup>48)</sup> Og i 1630 var det her framleides "stor mangel for sognedegne", fordi bønderne ikkje vilde gjeva noko til deira underhald.<sup>49)</sup> Same "defekt paa sæde-degne" 1635.<sup>50)</sup> Det var like ille nordanfjells. I eit brev til den kgl. kanslaren Christian Friis skreiv biskopen i Trondheim M. Anders Arrebo 1618: "Fatigdomen aat deknene er her so stor, at um dei ikkje heile aaret dreiv med fikse og anna bondearbeid, hadde dei snaudt nok det

turre braud. Det er difor umogelegt for dei aa gjeva upp si verdslege gjerning, for aa vitja bondegardane ein gong i vika og undervisa ungdomen, etter kyrkjelovi. Tilstandet er det, at dei fleste kyrkjelydar anten maa vera utan dekn, eller lata seg nøgja med barbarar og heidningar, som aldri hev set ei katekisma. Og daa vert det ordet oppfylt: naar ein blind leider ein blind, fell dei baae i gravi. Ordinansen fyreskriv nok, at øvrigheiti skal syta for, at kvar kyrkjelyd fær sin dekn, og at det skal gjerast ein rimeleg avtale um kva soknefolket skal yta honom. Men stakarane klagar over, at ingenting enno er gjort, so det staar kvarmann fritt for aa gjeva quid pro quo eller slett ingen ting."<sup>51</sup>

Der det vanta deknar, eller klokkaren var uvitande, maatte prestane sjølve utføra den katekismeundervisning i soknerne um kvardagane, som etter ordinansen var plikti aat deknane.<sup>52</sup>) Jfr. den skipnaden, som vart gjord paa synoden i Bergen 1589, med katekisme-øvingar og katekismegudstenesta ved annekskyrkjorne um laurdagen.

Utigjenom 1600-talet vart vel dei fleste deknar (klokkarar) hjolpne til "degneboliger" (klokkargardar) paa ein eller annan maate, men langt ifraa alle. Der var framleides etter aar 1700 mange bygder som ingen klokkargard hadde, soleis alle tri prestegjeld i Øyterdalen. Dei fleste klokkargardar var smaa bruk, og klokkaren sat heller ikkje alltid fritt paa garden. Naar klokkargarden var utlagt av godset aat (sokne-)kyrkja eller kongen, maatte klokkaren etter Christian V's Norske Lov 2-15-7 betala kyrkja eller kongen bygsel og aarleg landskyld som leiglending. Viktig var difor den inntekt som tilkom klokkarane utanum gardsbruket, i klokkartoll av bønderne, og i avgift for kyrkjelege forretningar. Men det var ikkje fastsett noko aalment regulatio i lovi. Til dels hev biskopane kvar i sitt stift freista aa gjennomføra faste ordningar - soleis Nils Glostrup i Oslo-Hamar stift 1631: ei aarleg kornavgift av kvar gard (eit kvarter av ein fullgard, 2 setting av ein halvgard, 1 setting av ein øydegard), ei pengeavgift ved barnedaap (1 skill.) og ved lysning til ekteskap (2 skill.), "samt om julen at hjelpes med noget til victualia."<sup>53</sup>) - Men daa skipnaden for det meste laut fastsetjast ved serskiild avtale med bønderne i kvar bygd, vart vilkaari ujamne, og i regelen tarvelegast mogelege, og det vesle som klokkaren skulde ha, vart mangein gong ytt honom med uvilje, ja stundom fekk han ikkje anna enn "knubbede ord".<sup>54</sup>)

I det store og heile er likevel kaari aat klokkaren kjenneleg forbetra framgjenom 1600-talet. Difor kunde ogso kravi til lærd utdanning for deknane setjast upp. Danske Lov 1683 paabaud (2-15-1) at "til degne skulle herefter alleene forordnes studentere," dvs. akademiske borgarar. I Noreg var det ikkje mogeleg aa setja so høge krav, daa det her ikkje var so mange "studentere"; Norske Lov (2-15-1) la difor til: "om de dertil findes."<sup>55</sup>) I lovene var det fyreskrive ein dekn i kvart prestegjeld, og det var paabode undervisning av ungdomen 3 dag



i vika (dvs. sundagen eller ein kvardag), fraa 1629 2 dagar i vika (dvs. sundagen og ein kvardag). Men i store prestegjeld med mange anneks var det uraad for ein lærar aa naa ikring til alle born. I sume avsides anneksokner vart det difor alt paa 1600-talet tilsett busitjande klokkarar, - soleis i Trysil under Elverum, i Tydalen under Selbu, i Finnlierne under Snaasa. Men det var likevel alt i alt berre eit faatal anneksokner som vart tilgodeset paa denne maaten. Det var mødesamt nok aa skaffa levebrød til den eine klokkaeren som lovi kravde i kvart prestegjeld.

Den evangeliske kyrkja fekk etterhand auga upp for, at det var hennar oppgaaava aa gjeva folket kvar det so budde, like rikeleg høve til aa høyra Guds ords forkynning og faa del i barnelærdoms undervisning. Det var lett aa sjaa, at i dette stykke stod anneksene tilbake. Her skjer daa det merkelege, at kyrkja tek lekmenn til hjelp, og det baade for prest og dekn. Den som byrja med dette, er biskop Nils Glostrup i Oslo og Hamar. I Rømskogen anneks til Rødenes i Øvre Borge-syssel sette biskopen i 1629 ein mann heitte Saxe til aa lesa for folket forklaaringi av evangeliet etter ei dansk postilla kvar sundag aaret igjennom; den same mann skulde ogso undervisa borni i barnelærdomen; og for sin umak skulde han uppebera klokkarløni der.<sup>56)</sup> Paa visitas i Hallingdal 1633 fyreskreiv biskopen, at i alle kyrkjur i dalen der det ikkje vart halde tenesta, skulde det lesast forklaaringi over kvar sundags evangelium etter ei postilla, og aalmugen skulde vera pliktig til aa koma tilstades.<sup>57)</sup>

Kongen vart - me veit ikkje av kven - gjort kjent med, kor vanskelig det var med kyrkjetenesta og undervisningi ved anneksi i Noreg. Mange prestekall var for ringe til aa halda kapellan, og mange anneks laag so langt fraa hovudkyrkja, at Guds ords tenesta ikkje kunde forrettast der "udi rette og tilbørlige tide som det sig burde." "Paa det de fattige folk des bedre udi deres saligheds sag kunne undervises," gjorde difor kongen "som en ret Christen øvrighed" ein serleg skipnad for anneksstenesta i heile Noreg, 29. april 1635: "Først ville vi, at udi hver de annexer, hvilke 4, 10, 12, 14 eller 32 Mile fra Hovedkirkerne ere afliggendis, af vore Lensmænd og Bispnen, udi hvis Len og Stift saadanne Annexer ere tilliggendes, skal forordnes en gudfryktig Mand, som hver Søndag og Helligdag, naar Sognepresten Tjenesten ikke kan forrette, de sedvanlige Evangelia, udi en bekvem Stol staaendes, med Forklaring af en Postilla lydeligen for Almuen kan oplæse, og efter Tjenesten Børnene in Catheticis undervise." - I prestegjeld med 3 eller 4 kyrkjur vart det skipa slik at presten skulde preika i 2 eller 3 kyrkjur kvar vika, 1 eller 2 kvar sundag, og 1 ein vikedag, og i den 3dje eller 4de skulde deknen "oplæse evangelium med sin forklaring, saa og ungdommen udi deres børnelærdom flitteligen examinere." Og i prestegjeld der det trengtest kapellan, og det var raad til det, skulde soknepresten paaleggjast aa

halda kapellan.<sup>58)</sup>

Det var soleis skipa messefallsgudstenestor ved ein gudfryktig lekmann eller ved deknen, med postillelesing og kateketisk undervisning. - Det er ikkje undersøkt, korleis det kongelege paabod er blitt fylgt. Ein av dei fyrste, som gjennomførte det, var Nils Glostrup, paa visitas i Valdres og Hallingdal 1637.<sup>59)</sup>

I den norske kyrkja var det paa 1600-talet mange gode og gilde menn, som la stor interesse og kraft i arbeidet med katekismeundervisningi. Ved inngangen til dette tidsromet møter me superintendenten i Trondheim M. Isach Grønbech (1596-1617). Bispedømet stod langt tilbake i kristelig kunnskap, daa han overtok embetet. Han fekk kongen til aa innskjerpa (1597) bøndene plikt til aa møta ved bispevisitas for aa "undervises udi saligheds sag."<sup>60)</sup> Med samtykke av kongen forordna han (1601) aarlege katekismepreikor i dei tvo fyrste vikor i advent i soknekyrkjorne i Trondheims by.<sup>61)</sup> Han la prestane i bispedømet aalvorleg paa hjarta, at katekisasjonen, som næstan var gaatt av bruk, maatte setjast i gang igjen,<sup>62)</sup> ja han fekk det ettermæle, at "det var ham som først har indført den nyttige Catechisation i alle Kirker udi sit anbetroede Stift."<sup>63)</sup> Nokon varig verknad synest likevel Grønbechs strev ikkje aa ha havt, daa han var helseveik i sine seinare aar og lite kunde utretta. Hans ettermann Anders Arreboe gjev ei myrk skildring av raaskapen og vankunna i kyrkjelydane, etter det inntrykk han fekk paa si fyrste visitas i 1618.<sup>64)</sup>

Stor og paatakeleg framgang er det derimot aa merka i Oslo-Hamar stift, som i aari 1617-39 hadde ein flitug og nidkjar biskop i Nils Glostrup. Fleire nye ordningar han gjorde paa dette umraade, er fyrr umtala. Han hev etterlate seg ei visitasbok for mest heile si embets-tid, og den viser at det serleg var katekismekunnskapen han festa si merksemd ved. Han uppteikna aar for aar, korleis tilstandet var i dei prestegjeld han visiterte. I fyrsten maatte han vera nøgd um ungdomen kunde sjølve katekismeordi - det var mange stader det ikkje var tilfelle. Han paala prest og dekn, at dinast maatte dei ogso lara borni Luthers forklaaringar til katekismepartane. Og daa biskopen gjorde sine tvo siste visitas-rundar i 1630-aari, møtte han gode resultat. I 58 kyrkjelydar, dvs. i over halvparten av bispedømet, fann han ungdomen vel undervist i dei fem katekismepartane med forklaaringar.<sup>65)</sup> Og ved visitasen i Gudbrandsdalen 1635 kunde han ogso krevja at hustavla skulde lærast.<sup>66)</sup> Millom dei prestane som i Glostrups tid vart interessert for katekismeundervisningi, var Johannes Sylvius (Hans Skov) i Nes i Hallingdal (d. 1637). Han skreiv smaa lærebøker i spursmaal og svar, som han delte ut blandt ungdomen.<sup>67)</sup> Glostrups visitasbok syner, at biskopen kunde merka stor framgang i denne bygdi.<sup>68)</sup>

I Oslo-Hamar (Christiania) stift er det paatakeleg, korleis den ihuge som Glostrup hadde vekt for katekismeundervisningi heldt seg levande i den fylgjande tid, baadå hjaa biskopar og prestar. Um det vitnar

dei fyrr nemnde kateketiske arbeid av Christen Steffenssøn Bang og Knud Sevaldssøn Bang, som er blitt til under paaverknad av biskopane<sup>69)</sup> og tilskunding av embetsbrødrer. Millom dei prestar i Christiania bispedøme, som innla seg fortienesta av den kirstelige undervisning av aalmugen, er den namngjetne prosten Jens Colstrup, sokneprest i Nes paa Romerike 1677-1720. Han inndelte bygdi i fire "quarterer", der klokkaren skulde lesa med ungdomen visse tider i aaret, han heldt paa eigen kostnad tvo vituge husmenn som hjelpelærarar, han forfatta ei handskrivi forklaring av katekisma til bruk for lærarane, og han overvar sjølv deira undervisning so ofte han kunde.<sup>70)</sup>

I Bergens bispedøme hadde i den seinare reformasjonstid superintendenten M. Anders Foss lagt seg i selen for katekismeundervisningi. Han innførte katekismetavlor paa altarane istadenfor dei katolske bilæt-tavlor,<sup>71)</sup> han paabaud katekismeoverhøyring ved prest eller dekn anten i kyrkja etter preika eller heime,<sup>72)</sup> han skipa overhøyring og katekisme-preika um laurdagane ved messefallskyrkjorne.<sup>73)</sup> Fram paa 1600-talet er den kateketiske interesse vekt til nytt liv i dette bispedøme og hev bore vakre frukter. I fyreordet til si katekisimeforklaring 1644 skriv biskop Ludvig Munthe fylgjande ord som karakteriserer tilstandet paa den tid: "Jeg haver selv paa adskillige tider og steder, hvor jeg paa mit embeds vegne udi stikted er forreist, ungdomen at overhøre og kirkerne at visitere, erfaret mange gamle ok bedagede deris klagemaal, naarsomhelst de have hørt deris unge børns forfremmelse i catechismus ok børnelærdom, haver de bluedis ved deris egen vankundighed, beklaget at de ikke i deris unge aar med flid og alvorlighed er tilholden at lære det som de nu maa høre av deris egne børn, av hvilke de aldrende ofte maa lade sig undervise. Og kan jeg ikke Gud noksom fuldtakke, som ungdomen her udi stikted mestendelen saa vidt haver opljust, sønderlig paa de steder, hvor provisterne ok sognepresterne deris kald og embede med tro og flid forretter, at de den ganske Lutheri Catechismum med dets forklaring ved saa godt som paa fingrene med god forstand at opregne, foruden andre christelige spørsmal, til hvilke de beskedenlig efter Guds Ord ved at svare."<sup>74)</sup>

Det er sannsynlegt, at denne gledelege framgang hev teke til ved innverknad fraa Hans Povelssøn Resen; Nils Paasche, superintendent i Bergen 1616-36, var verson til Resen og hev saktens delt hans kateketiske interessor. Um Ludvig Munthes ihuge vitnar hans katekisimeforklaring, - den fyrste i sitt slag i Noreg. Men han gjev fyrst og fremst prostar og sokneprestar æra for framgangen. Han kunde òg ha teke kapellaner med. Ein av dei fortener aa nemnast: Peder Olsen, medtjener i Hamre, dreiv so flitugt paa med ideleg øving i katekisma i skriftestolen, etter preika og etter gudstenesta, at soknepresten tykte det vart for mykje av det gode og gjorde alt han kunde for aa verta sin nidkjære kapellan kvitt.<sup>75)</sup> Bergens bispedøme heldt seg stort set paa det nivaa i kristen-

domskunnskap det hadde i 1640-aari. Det skyldest bl.a. Nils Randulf, biskop 1665-1711, som vert rost av Erich L. Pontoppidan (d.y.) som ein av dei beste og verdigaste biskopar i dei tvo rike sidan reformasjonen.<sup>76)</sup> Randulf hev etterlate korte visitasuppteikningar fraa aari 1667-73.<sup>77)</sup> Det viktigaste for Randulf var aa røkja etter kristendoms-kunnskapen hos ungdomen, og han talar um den i visitasboki paa kvar einaste stad han kom. Han heldt i desse aari 84 visitasar i 41 prestegjeld. Ved 25 visitasar, næstan ein tredjedel, fann han opplysningi ringe: "maadelig", "hel maadelig", "ikkun skrøbelig", "kunde lidet svare for sig" osv. Men ved dei andre 59 visitasane hev biskopen lovord: ungdomen "gjorde god rede for sig", var "flittig og vel undervist", var "smuk" eller "helt god i sin læsning". Det var i 22 av dei 41 visiterte prestegjeld at Randulf fann kristendoms-kunnskapen rosverdig.<sup>78)</sup> Best synest tilstandet aa ha vore paa Sunnmøre, i Nordfjord, i Hardanger og Voss, laakast i Sunnhordland og indre Sogn. Av alle kravde biskopen kunnskap i dei fem partane med forklaringsar, og dertil at dei skulde "forstaa sig nogenledes paa hvad det er."<sup>79)</sup>

Me veit ikkje um biskop Randulf var istand til aa gjennomføra uniformitet i katekismeundervisningi, slik som prostane ynskte.<sup>80)</sup> Men Bergens stift hev honom aa takka for ein annan god reform, som han innførte i 1669, nemleg ei fast ordning for husandaktene, eller som han kallar det, "Morgen Chor og Aften Chor". Andakti byrja med ein salme, som biskopen hadde utvalt for kvar morgon og kveld vika igjenom; deretter "skal ljudeligen oplæses av en i huset hver gang en part i catechismo, saa de andre kan læse efter." Sidan fell dei paa kne og les morgon- eller kveldsbøni etter katekisma, med ei kor-bøn og Fader vaar, reiser seg og sluttar med morgon- eller kveld-verset.<sup>81)</sup> Denne ordning, aa framsegja katekisma i heimane morgon og kveld, gjeng tilbake til Luthers fyredøme. Han fyreskreiv i Deutsche Messe 1526<sup>82)</sup> og atter i den store katekisma 1529,<sup>83)</sup> at katekisme-ordi skulde framsegjast ikkje berre i kyrkja paa preikestolen, men heime i husi morgon og kveld, so borni og tenestefolki lærde dei. -

Dei salmar og bøner, som hørde til ved husandakti etter biskop Randulfs fyreskrift, skulde klokkarane læra ungdomen i kyrkja fyre preika.<sup>84)</sup>

I Trondheims stift kom vendingi til betre tilstand med biskop Erik Bredal (1643-72). Hans nye skipnad for katekismeopplæringi er fyrr umtala. Det er vel den, salmediktaren P. M. Ofvid siktar til, naar han talar um den nye og betre undervisningsmaate som hev vunne fram og verka godt.<sup>85)</sup> Han fortel um dei unge paa kyrkjegolvvet og segjer, dei er "saa vel underviste ok opljuste i katekismus og anden saligheds lærdom, at det er glæde baade at høre og fornemme, saa de ere lystige og fyrige til allehaande gudelige øvelser."<sup>86)</sup>

I sine visitasuppteikningar fraa Helgeland 1659 og 1665 hev Bredal sjølv gjort greida for korleis hans system hadde verka der. Resultatet var ikkje berre gledelegt. I sume prestegjeld fann han gode frukter, som frygda honom overlag, men i andre var det ujamt eller mangelfullt, og registri var betre enn dei verkelege kunnskapane. Biskopen maatte klaga over, at deknar og prestar ikkje var uthaldande og flituge nok til aa driva undervisningi. Han paaminnte og irettesette med strenge ord. For honom var det ei samvitssak aa gjennomføra kravi til god kristeleg kunnskap hjaa ungdomen, - han kjende seg nøydd til aa "te en høinødvendig nidkjærhed for Guds ære og menniskens salighed"; han tykte han "burde ikke at regnes for en Christi tjener", dersom han "slog igjennem det store sold" dei forsømingar han fann hjaa prestar og deknar.<sup>87)</sup> Prestane paa Alstahaug maatte i 1665 gjeva skriftleg lovnad um aa gjera si plikt.

Var Bredal streng og strid, var hans etterfylgjar Erich Pontoppidan (d.e.) mild og venesæl. Enndaa hans bispetid i Trondheim vara berre 6 aar, vann han folket slik at minnet um honom levde radt ned i det 19de hdr. Han var ein stor barneven, og hadde med seg paa visitasane smaa bøker, bilæte, eple og neter og nyttige smaating som han delte ut til ungdomen. Hans utgaava av katekisma med merknader og spursmaal og svar er fyrr umtala.

Overlag ihuga til aa driva paa katekisasjon og sjelesorg var dr. Peder Krog, biskop i Trondheim 1689-1731. I sin ungdom hadde han vore eit aar i huset hjaa Christian Scriver i Magdeburg (1677-8). Enndaa P. Krog var ein uvanleg lærd mann (orientalist), hadde han ei framifraa evna som katekikator. Han forstod so godt aa retta seg etter dei enfaldige og lokka ut av deim det vesle dei visste og læra deim meir, og dette gjorde han paa ein slik venleg og kvik maate, at borni flokka seg ikring han og dei vaksne vart ikkje trøytt av aa lyda paa. Biskop Krog kunde halda paa med katekisasjon i 5-6 timar, jamvel i den kaldaste vintertid;<sup>88)</sup> visitasen i Skjerstad i Salten 1696 vara til kl. 6 um eftan.<sup>89)</sup>

I Stavanger bispedøme tykkjest tilstandet aa ha betrast i biskop Wegners tid (1627-54). Klagorne over mangelen paa deknar vedvara til 1635,<sup>90)</sup> men seinare høyrer me ikkje meir gjete den sak.<sup>91)</sup> Wegners katekismeforklaring, som fyrr er umtala, er vitnemaal um hans interesse for kristendomsundervisningi, men elles kjenner me ikkje nærmare til hans verksemd paa dette umraade. - Derimot fær me etter hans tid ein glytt av tilstandet i ein lut av bispedømet, Nedenes provsti, gjennom prostevisitasane 1659-62 og 1694-1700. I desse aar utførte prostane 49 visitasar. Um kunnskapen aat ungdomen uttalar dei seg i 33 tilfelle. I 20 tilfelle gjev dei utan avkorting ros, i 6 tilfelle var meste parten av ungdomen rosverdig, elles lyder domen "temmelig" eller "hjelp-

lig."<sup>92)</sup> Nivaaet lyt soleis segjast aa vera høgt.

Noter til kap. 14, Katekismeupplæringi.

- 1) Chr. Staffenssøn Bang (Moe 154).
- 2) Bang I, 251f. II, 123ff.
- 3) F. 1719f.
- 4) Jfr. det Teol. Fak.s fraasegn um Berggravs katekisma 1937, s. 7-10.
- 5) Bang II, 165 uriktig: en Anvisning til at gennemgaa L.K., nærmest bestemt for Degnene.
- 6) Bang II, 143-49.
- 7) PRE 3 X, 141.
- 8) Bang II, 141-164.
- 9) Bang II, 254-66.
- 10) K. Sevaldssøn Bang, Heff. 124. N. Randulf, Heff. 165.
- 11) Bang II, 165.
- 12) Titelen citert etter Ehrencron-Müller VI, 466. E-M. blandar saman denne bok og Resens katekismeutgaava N<sup>o</sup> 3 av 1628 (ovfr. s. 2f.).
- 13) Bang II, 166.
- 14) Bibl.Dan. I, 202 (anonymt). Titlane vantar hos Ehr.-M. under Resen.
- 15) Moe 129ff.
- 16) Utg. av C. P. Caspari i Theol.T. VII, 1864, s. 81-204.
- 17) Moe 140-5.
- 18) Moe 134-140.
- 19) KLN II, 207. Moe 88.
- 20) Heffermehl 160.
- 21) Heff. 160.
- 22) Moe 160f.
- 23) Utg. av C. P. Caspari i N.Theol.T. VIII, 1865, s. 254-350.
- 24) Moe 149-54.
- 25) Fo. 1629, II. 9 (DKL III, 161f.), Rec. 1643, I. 1.7 (Secher V, 148), D.L. 2-4-14, N.L. 2-4-14.
- 26) D.L. 2-4-15; jfr. Forarb. II, 459.495. N.L. 2-4-15.
- 27) Forarb. t. C.V.D.L. II, 497.
- 28) D.L. 2-4-16; jfr. Forarb. II, 562. N.L. 2-4-16.
- 29) DKL I, 102. NKO 44 v.
- 30) Heffermehl s. 71.
- 31) Jfr. visitasen i Øvre Borgesyssel 1619 (NGL 73): Klokkeren skal kvar sundag fyre preika lesa upp for heile aalmugen av Luthers forklaaring til katekisma den part som presten same sundag skal utleggja fraa preikestolen.
- 32) NGL. 59.69.
- 33) Fd. 1629, II, 10 (DKL III, 162). Rec. 1643, I.1.8 (Secher V, 148). D.L. 2-6-1. 2-15-2. N.L. 2-6-1. 2-15-2; jfr. P. Hersleb i Theol.T.

VIII, 1865, s. 56.

- 34) NGL. 56 (Nedre Romerike 1625). 46 (Hallingdal 1633). 66 (Hedmark og Østerdalen 1635). 70 (Gudbrandsdalen 1635).
- 35) Fd. 1629 II, 11 (DKI III, 162f.). Rec. 1643 I.1.9 (Secher V, 149). D.L. 2-6-2. N.L. 2-6-2.
- 36) N.Mag. II, 96.
- 37) NGL. 59.
- 38) Heff. 136.
- 39) NGL. 95.
- 40) DKI. III, nr. 296.
- 41) Heffermehl 105 u.
- 42) Luth. Ugeskr. 1879.II, 94.
- 43) Luth. Ugeskr. 1891.I, s. 50-1.
- 44) s. 51.
- 45) f. 44<sup>I</sup>
- 46) NGL. s. 122.
- 47) NGL. 119.
- 48) NR V, 149.
- 49) NR VI, 243.
- 50) NR VII, 5.
- 51) KhS. 2.III, 643f.
- 52) jfr. Moe 121.
- 53) KhS. 3.II, 157. Jfr. Medd. NRA I, 110. 136ff.
- 54) Heff.97.
- 55) jfr. Norske Kommissions Project (2-15-1): "Til klökkere eller degner skal helst forordnes studentere, om de dertil findes" (s. 182).
- 56) NGL. 46.
- 57) NGL. 47. 112.
- 58) NR VII, 38-9.
- 59) NGL. 47.
- 60) NR III, 510.
- 61) NR III, 623.
- 62) Pontopp. Ann. III, 198.
- 63) D.Mag. I, 86.
- 64) KhS. 2.III, 643. Heff. 79 (urett umsett hos Heff.?).
- 65) A. Seierstad i TTK 1938, s. 38.
- 66) NGL. s. 70-1.
- 67) Luth. Ugeskr. 1891.I, 413.
- 68) Ngl. 46 = 112. 47.
- 69) C. St. Bang nemner Glostrup, Boesen, Stockfleth. K. S. Bang nemner Rosing.
- 70) Chr. Giessing, Jubel-Lærere III 1, 355-6.
- 71) Syn. 1589 § 1.

- 72) Syn. 1589 § 17.
- 73) Syn. 1584 § 21.
- 74) Theol.T. VII, 1864, s. 89.
- 75) Thrap 13-14.
- 76) Pont. Ann. IIII, 240.
- 77) Luth. Ugeskr. 1879.II, 189-98. Thrap. 15-16. Heff. 165ff.
- 78) Heff. 165.
- 79) L.Ug. 1879.II, 94.
- 80) Heffermehl, Geistl. Møder, 195, 105.
- 81) Thrap 8. Heff. Folkeunderv. 169-72.
- 82) Moe 19.
- 83) F. W. Bugges ums. 18.
- 84) Heffermehl, Geistl. Møder 107.
- 85) Lammens Sang 1656 s. 31 (Blom Svendsen I, 129).
- 86) Bl. Sv. I, 130.
- 87) L. Ugeskr. 1891.I, s. 68.
- 88) Pont. Ann. IV, 227.
- 89) O. Nicolaiszen, Sagn og eventyr fra Nordland, II, Kra. 1887, s. 70.
- 90) NR VII, 5.
- 91) Heff. 174.
- 92) Heff. 179-83.



Som ingen annan periode i den nyare kyrkjesoga hev 1600talet gjort Guds ords prediken og gudfrygtigheds øvelse til ei hovudsak. Preikestolen og bedeskammelen, postilla og den aandelege handbok er symbol for denne tidsalders kristenliv. 1600talet er eit preikande hundradaar, - aldri hev preikorne vore so mange og so lange som daa, og aldri hev dei vore so gjennomvovne av Guds ord i den Heilage skrift. Og som aldri fyrr vart det bode folket næring for det kristelege liv i oppbyggelege skrifter, i postiller og andaktslesnad, i bønner og salmar.

Preike- og oppbyggingslitteraturen i vaar norske kyrkja i denne tid fløder visstnok ikkje so rikt som i vaare granneland, men likevel langt rikare og mangfaldigare enn i vaar fattige reformasjonstid. 1600-talet hev heller ikkje hjaa oss, som i Danmark eller Tyskland frambragt oppbyggingsskrifter av varigt verde, - som hev levt langt ut over den tid daa dei vart til, og vore kjeldor til aandeleg hugnad for slekt etter slekt, slike som Johann Arndts Sande Christendom eller Jesper Brochmands <sup>Hus-</sup>postilla eller Chr. Scriverers Sjæleskatt. Men vaar oppbyggelege litteratur hev tent si oppgaava i samtidi og vore med aa stetta den trong der daa var til aandeleg føda. Og fordi denne litteraturen avspeglar det indre aandelege liv som rører seg og hev funne vokstervilkaar i vaar kyrkja, vert han eit historisk vitnemaal som, saman med andre ting, tener til aa karakterisera den kyrkjehistoriske utviklingsgang. I det store og heile viser vaar forkynning og oppbyggingslitteratur paa 1600talet liknande drag som i vaare systerkyrkjor, - sermerke som høyrer tidi til; og me finn ulike typar og retningar hjaa oss som andre stader. Men det vilde vera historisk uriktig aa gaa ut ifraa at alt som hev ovra seg i luthersk eller i protestantisk preika og gudsfryktsøving i retttrunadstidi, ogso hev sine parallellar eller etterlikningar i Noreg. Det er langt ifraa tilfelle, og er heller ikkje aa venta. Vaar utvikling er i so maate enklare, - me er fraa ei sida set fatigare, men hev til gjengjeld undgaatt sume av dei avvegar som dei i andre land kom inn paa. Ikkje so, at vaar preika heldt seg fri for utvokstrar, men der er mindre av slikt hjaa oss. Her er kanskje ikkje so gilde blommar og frukter aa finna, men til gjengjeld heller ikkje so mykje ugras.

Spør me fyrst etter preikemaaten - den metode som predikanten eller oppbyggingsforfattaren fylgjer naar han handsamar si tekst eller sitt emne, - daa er det ikkje vanskelegt aa sjaa korleis tradisjonen fraa reformasjonshundradaaret lever vidare. Ein merker mindre til den eldre, enklare maaten, den analytiske, som nøgjer seg med aa gjennomgaa og forklaara den fyreliggjande tekst og deretter aa gjeva ei praktisk tilvending av teksttankane paa tilhøyrarane; men ned gjennom 1600talet

er der dei predikantar og oppbyggingsforfattarar hjaa oss, som skriv slik.<sup>1)</sup> Vanlegare er den tematiske metode, loci- eller artikkel-metoden, som vaare predikantar i den seinare reformasjonstid hadde uppteke etter Melanchthon og Nils Hemmingssøn. Det er denne metoden som er den framherskande paa 1600talet, med ymse modifikasjonar, Med sitt krav um inndeling og ordning av stoffet, og tilskiping av preika som ein tankebygnad eller tankerekkje, var denne metoden nettopp noko for den lærde tidsalder, og han gav rom for ei vidtgåande systematisering. Serleg er dette tilfelle i likpreikelitteraturen, som ogso hos oss hev ei rik bløming paa 1600talet og ut i 1700aari. Men likpreikorne er noko for seg sjølv i den homiletiske litteraturen. I dei vanlege gudstenestor hadde predikanten ikkje slikt høve til aa breida seg, og til oppbygging for folket vart difor Guds ord utlagt, i tale og skrift, paa ein enklare og meir kortfatta maate.

I Tyskland var preika utvikla til ei serleg kunst som fylgde sine eigne reglar og nytta serlege retoriske former og midlar. Ei tid etter reformasjonen tok tyskarane til aa uppstella visse preikemetodar, som snøgt voks i tal, - fram ved 1650 var det alt innpaa 100 av dei (1600: 4). Ei av dei eldste var den strengt dialektisk-tematiske,<sup>2)</sup> som hadde namn etter presten Andreas Pancratius i Hof i Bayern (d. 1576). Hans postilla vart umsett til dansk 1594-98 av m. Anders Bendsøn Dallin, seinare Jens Nilssøns ettermann som biskop i Oslo.<sup>3)</sup>

Me kann ikkje i detalj fylgja den mangfaldige utvikling av preikemaatane, som var ei vidareføring og spesialisering av den tematiske lokalmetoden og heller ikkje andre. Men me vil umtala og kort karakterisera predikantane kvar for seg, og samla deim i nokre faa hovudgrupper.

Me skal daa merka oss, at um der kann vera einskap i preikemetoden, kann det vera mange variasjonar i religiøs eller teologisk eller individuell umsyn. Linorne krysser kvarandre.

Men der er visse felles drag som høyrer tidi til, baade til godt og til vondt. Fyrst den store vyrdnad for og kjærleik til den rette læra og Guds heilage ord. Baae desse heng inderleg saman. Derav forstaar me nidkjærleiken for læra - ho er nemleg bygt paa den urikkelige autoritet, den Hl. Skrift. Derav kjem ogso forsvaret for den rette tru, polemikken mot onnorleistruande, fyrst og fremst calvinistar, zwinglianar, sekterar, papistar. Den kjem ogso til orde hos sume av vaare predikantar. Dinæst den grundige lærdom, - fyrst og fremst teologien: dogmatikk, bibelkunnskap, kyrkjefedrane, dei antikke profanskribentar, og filologien og arkeologien. Teologien hev fyrste romet, difor vert forkynningi ofte ikkje anna enn teologi, og mange forkynnarar ser dette som det ideale. Dei vil vera teologar paa preikestolen. Men dette gjer forkynningi ufolkeleg. Og serskilt gjeld dette naar lærdomsapparatet vert drege med og utstelt paa preikestolen.

Ostentasjonen, freistingi til aa glimra og briska seg med stor og aforstaaeleg lærdom var ein faare som mange let seg fanga i, ogsp hjaa oss. Citat paa grunnspraaket fraa dei heilage skrifter, fraa kyrkjelege autoritetar, fraa den klassiske litteraturen. Eller lærde tankeutviklingar og termini. -

Vyrnaden for den Heilage Skrift som einaste kjelda for tru og læra førte til ei overflødig citering av bibelstader, ofte utan forklaring, utan samanknytning. Ei god preika skulde helst konsentrerast kring visse hovud-emne og oppdelast i bolkar i samband dermed, for aa gjeva forkynningi orden og klaarleik. Men dette nyttige system vart utvikla vidare paa skolastisk maate, ved alltid finare oppkløyving av stoffet i detaljar. Sitt høgdepunkt naar denne utvikling hos biskop B. Deichman i Christiania, som hev inndelt ei likpreika i 1717 i 64 hovud- og underavdelingar.<sup>4)</sup> Som tankearkitektur er ein slik tale eit meisterstykke, men ho gjeng langt ut over grensorne av det som tener formaalet med ei preika.

Og endeleg er det dei mange retoriske kunstformer, som serleg i 2dre halvti av 1600talet vinn innpass, under innverknad av den litterære barokk-stilen. Serleg umtykt var hjaa oss den emblematiske metode, som nytta symbolske uttrykk og bilæte, og som ofte utarta til affektasjon, smakløysa, pedanteri og maner. Mang ein gong kunde dei retoriske verkemidlar hjelpe til aa skjerpe ettertanken og vekke interessa, men altfor mange predikantar let seg derved lokka so langt paa avveg, at dei baade tapte skriftordet av syne og gløynde aa oppbyggja kyrkjelyden.

Kyrkjeordinansen inneheldt kloke og gode formaningar til prestane um aa tala oppbyggjeleg og klaart og ikkje over ein time. Det var god grunn til aa minna um dette paa 1600talet. Det skjede i Fd. 1629 (II.8), Rec. 1643 (I.1.6) og CV D. og N.L. (2-4-7 og 11). "Predikenerne skulle holdis aldellis efter ordinantsen, saa at de ikke blive alt for lange eller for vidløftige, den gemene mand til kedsommelighed og dismindre opbyggelse, som alt for meget paa en gang ikke befatte og beholde kunde." Men "al ting (skal) fremsettis tilhørerne til beste, besønderlig kort og godt, eftersom teksterne sjelv kunde henførís til troens lærdom samt christelige skik og sæder" (1629). "De skulle i deres Prædikener og Forklaringer ei fremføre noget som er mørkt og vanskeligt at forstaa" (1683, 17).

Under dei lærde og lange skolastiske preikor var det vanskelegt for tilhøyrarane aa halda seg vakne, - folk somna i stolane. I Tyskland fann ei paa aa tilsetja serskilte tenestemenn for aa halde kyrkjelyden vaken.<sup>5)</sup> Denne metoden vart det og naudsynlegt aa taka upp i Danmark, for aa "avkaffa den store uskikkelighed som med soven i kirkerne begaaes." Ved beskript av 1645 til biskopane i Sjælland, Fyn og Skaane og til lensmennene i Sjælland, Fyn og Laaland paabaud kongen, at der folk skal tilfordnes, som kan gaa om med lange kjepper til aa slaa dennom paa hovedet ned, som sover under prediken.<sup>6)</sup> Me veit ikkje av at dette paabod vart

jort gjeldande i Noreg.

Det var eit viktig framsteg, at det i 1635 var innført preikeøvingar som fast led i presteutdanningi ved universitetet. Ved desse øvingar skulde professorane rettleida studentane, lata deim utarbeida prøve-reikor skriftleg, gjennomgaa utkastet med deim, vera tilstades naar dei eldt desse preikor i Regenskyrkja, og gjera merksam paa feil og manglar aade i innhald og maate. Det hadde ogso fyre den tid vore høve for dei nge presteemni til preikeøvingar - baade ved universitetet og i dei lærde kulane.<sup>7)</sup> Det nye var at desse øvingane heretter skulde vera obligatoriske i samband med den teologiske attestats som var innført ved universitetet i 1629, vart det sidan 1635/1643 ogso kravt skriftleg vitnemaal fraa professorane um kva gaavor studenten hadde som predikant, etter ei avsluttande homiletisk prøva, den sokalla dimiss-preika, som vart halde i Trinitatis kyrkja i Kbh. Utan dette dubbelte vitnemaal kunde ingen melda seg til embete i kyrkja i Danmark og Noreg. Dei homiletiske øvingane ved universitetet vart haldne baade over evangelia og epistlane og katekisma. Professorane fordelte studentane millom seg.

Den leidande teolog ved universitetet i denne tid var Dr. Jesper Brochmand (1585-1652), professor theol. fraa 1615, Sjællands biskop fraa 1639. Si førarstilling skyldte han si akademiske verksemd som systematkar og polemikar. Men sin varigaste innsats hev han gjort som oppbyggjeleg forfattar, nemleg ved si namngjetne postilla: Sabbathi sanctificatio: Deler: Gudelig Betenckning oc kort Forklaring offuer alle Evangelier oc Epistler, Guds Børn til Gudelig Øffuelse forfattet, Vinter-Parten 1635, Sommer-Parten 1638. Denne "Huus-Postill", som boki kallast sidan 1718, er utkomi i 24 opplag, siste gong 1862, hev som ingi onnor oppbyggingsbok funne inngang i heimane i Danmark og Noreg. Ho hev havt same plass som Luthers postill i hans heimland. Og det var fyrst og fremst sundagsrusandakten i kyrkjelydane Brochmand hadde for auga.

Brochmands postill inneheld ikkje preikor i eigenleg forstand, men hans "Forklaringer og gudelige betenkninger" over dei kyrkjelege tekster er bygt upp slik, at dei godt kunde vera haldne som preikor, og dei skil seg i det heile ikkje fraa dei verkelege preikor som Brochmand elles hev halde, eller fraa preikor i samtidi. Det er sagt um Brochmands postilla, at ho hev skapt ein serleg periode i saga aat den danske preika, - den brochmandske - likesom Nils Hemmingssøns postilla gjorde etter reformasjonen. Og med den stilling og autoritet Brochmand hadde i si samtid, er det naturlegt, at han hev øvt sterk innverknad - hans postilla kom ut nettopp i dei aar daa den homiletiske undervisning ved universitetet vart grunnlagt. -

Skal ein karakterisera den brochmandske preiketype, daa kann det kortast segjast slik, at er "væsentlig brede Bibellæsninger" (J. C. Andersen i Klex. f.N. I, 391).<sup>8)</sup> Ein finn her ingen ting av den tematiske inn-

leling som sermerker den Hemmingssønske preikemaaten. Brochmand utlegg teksti vers for vers, uttrykk for uttrykk. Han tek ikkje fyre seg eit eller fleire hovudpunkt i teksti, men handsamar alt paa same lina, og talar like grundigt um det smaa som um det store. Han vil fyrst og fremst faa sagt noko um kvar einskild ting i teksti. Alt vert forklaara like breidt og inngaaande, og soleis for mykje um sideting, for lite um hovudsak.

Dei brochmandske preikorne er ikkje - som ein kanskje kunde tenkja seg - dogmatiske avhandlingar. Dei er fyrst og fremst bibelske preikor. Det er deira styrke. Preika skal vera ei utvikling av innhaldet i den heilage Skrift, til lærdom og oppbygging. Til aa opplysa skriftordet i preiketeksti nyttar Brochmand skrifti sjølv; hans betraktningar er gjennomvovne med skriftstader og døme fraa Skrifti. Han citerar ideleg fraa den heilage bok, og det umstendeleleg og fullstendig. Han bryr seg aldri um aa syna fram sin lærdom, han held seg til det enkle bibelordet.

"I preika, segjer han, maa ein ikkje nytta citat av fedrane eller av profane skribentar, ikkje latinske, græske eller hebraiske ord; naar Paulus citerar klassikarane, so er det berre for heidningane."<sup>9)</sup> - Og han uttalar seg imot allegorisering i preikorne. - Det er den historiske, endeframme utlegging og framstilling av tekstinnhaldet som er Brochmands regel.

Men samtidig var den Brochmandske preika luthersk ortodoks. I dogmatikken gjekk han og ut ifraa Skrifti, og utvikla innhaldet i Skrifti fraa dei ymse sidor i sine konsekvensar og sette det i system, og førte det tilbake til Skrifti som prøvestein. For honom var preika retttruane av same grunn - fordi ho var bibelsk; han byggjer ikkje upp dogmi i preika, det er ikkje dei han vil framstella eller forklaara for menigmann, men dei ligg bakum, dei skin igjenom, og den som kjenner dei, ser korleis alt i preika høver med dogmi. Brochmand, som var den store polemikar i sitt lærde forfattarskap, polemiserar ikkje i preika; han tordna ikkje laus paa motstandarar fraa preikestolen og forkjetra ingen med namn. Men preika inneheld den rette læra. Ho hev den lutherske dogmatikk til ryggrad, til grunnvoll, og paa folkeleg og praktisk maate ber ho fram det same lærestoff og trudomsinnhald. Og dette freistar han aa gjera fruktbart for livet. Grunntonen i Brochmands preika er, at menneskja ikkje vert rettferdiggjort ved eigne gjerningar, men ved trui aaleine. Men jamsides hermed gjeng oppmaningi til frukt av trui, til heilag livnad, til aa streva etter dygder og fly laster. Og i samband dermed tilskundar han stadig til bøn, tilraader faste, talar um lidingi og um Kristi etterfylgging. - Hans syn paa menneskelivet var einsidigt asketisk, mindre fritt og romslegt enn Luthers. Han skaut dei naturlege og kulturelle verdiane til side for aa samla all merksemd kring Guds ord.

Men sa mykje godt og kjernefullt der var i Brochmands preikor, so

er dei for lange og breide og verka tunge og trøyttande. Dei er overmaate innhaldsrike, men dei er lite pointert. Dei er heilt objektive, men dei siktar ikkje paa den einskilde, og dei saknar det subjektive moment, baa-  
e hjaa talar og tilhøyrar.

Noter til "Forkynning og oppbygging". Fyredrag i presteklubben hos sokne-  
prest O. S. Fodnes (Grefsen) 29.  
sept. 1941 (utvalde stykke).

- 1) *Προς οὐκ οδομήν* s. 74 nemmer: H. B. Fridag, A. Thybo, N. S.  
Chronich, Samuel Bugge, Michael Leigh.
- 2) PRE<sup>3</sup> XV, 671.
- 3) Laur.N. 1301-2.
- 4) 77.
- 5) PRE<sup>3</sup> XV, 670.
- 6) 22/4 1645: DKL. III nr. 296. Ny KhS. IV, 457-8. 19/6 45: Secher V nr.  
223.
- 7) Skuledisiplane hørde stadig preikor i kyrkja - det reknast for exer-  
citia theologica. Thrap 114.
- 8) Ny KhS. III, 702-712.
- 9) Syst.univ.theol. 2,30, cas.consc.

Utlauparar fraa reformasjonstidi<sup>1</sup>

Peder Claussøn Friis, Forklaring over Fadervor, "skrevet med hans egen Haand"

Innsendt til ? av Mag. Michael Tyrholm, sokneprest i Vanse 1725-67. Ill. Nyhedsblad 1859, s. 34. "nu tabt" (Ehr.-M)

M. Peder Brock, 1571 - 1631, sokneprest ved domkyrkja i Bergen, hev gjeve ut tvo skrifter -

det fyrste er eit pastoralteologisk arbeid, med titelen "Guds Huuss og Aggergierning eller Kornland", Kbh. (1614) delt i tvo delar, den fyrste um "Guds Ords Tieneris Embede", den andre um "Tilhørernes Embede og Verdighed" Det er bygt paa pastoralteologiske skrifter av kyrkjefedrane Ambrosius og Chrysostomus, og av Niels Hemmingssøn. Det var ikkje noko sjølvstendig arbeid, men ei god sund evangelisk læreskrift, nærmast i Melanchthons aand.

Original er derimot hans andre bok, "Korte Predikener over nogle sønderlige Texter aff den hellige Schrifft", Kbh. 1615. B. viser seg her som ein av vaare beste oppbyggingspredikantar fraa den gamal-lutherske tid.<sup>2</sup> Han kjenner sine tilhøyrarar likeso godt som nokon predikant i vaare dager, avdekkjer dei ymse ureligiøse motiv som fører folk til kyrkja, og freistar aa faa deim i tale og vekkja deim til umvending, soleis er hans forkynning praktisk og liketil. Spraaket er uvanleg klaart og konsist.

Ein vert slaatt av den sterke etiske tale som lyder i P. Brocks preikor - hans ord er utsprungne av det evangeliske pønitensekrav som lyder so sterkt i refhdr. Han liknar sine samtidige med ufrukt-bare tre, som hev gudsfrykts skin, men nektar hennar kraft. Guds-frykti maa fyrst og fremst kvila paa viljen til eit heilagt liv og finna utløysing i etisk handling, i kristelig dygd.

## NOTER

1. 1938 7/10 11<sup>15</sup>- 12

2. Brandrud i NBL; jfr. Bang NKH

Preikor I, skolastisk --asketiske.

Gjennomsnittstypen for den gode menighetspreika paa 1600talet finn me ikkje i noko norske homiletisk verk, men i eit dansk, som hev vore sterkt utbredt i Noreg.

Povel Andersson Medelby, 1557-1632, prest i Odense, gav ut fleire preikebøker, som vart rekna som mynster i sitt slag (Rørdam i DBL) fyrst og fremst ei evangelie-postilla, 1614, med titelen Ungdommens postill, kort og god forklaring over alle evangelia, som paa søndagene og alle andre hellige fester fremsattes i Guds Menighed her i Danmark. Seinare gav han ut postilla over epistlane og katekismen. Som predikant staar P.M. Nils Hemm. nær, og hans evangelie-postill tok romet jamsides med Nils Hemmingssøns postill og avløyste den som den mest brukte oppbyggingsbok i den største del av 1600talet. Ho opplevde ialt 14 opplag, derav 12 fyre 1700, det siste 1758.

Ved postillelesning i messefallskyrkior i Oslo-Hamar bpd. forordna N. Glostrup aa nytta Hemm. eller M.'s postillor. Med. er klar og grundig, søker aa ordna i nummererte led og underled all den opplysning og formaning ein kann utleida av teksti eller stydja med ord fraa skrifti. Han er turr og sakleg og held seg fri for utvertes lærdom og kunstform, er endefram og lett aa forstaa, set korkje fantasien eller hjartestrengene i sving, men siktar alltid paa samvitet aat tilhøyrararne.<sup>1</sup>

M. Nils Lauritsson Arctander (1561-1616) lærer<sup>m</sup> aa kjenna som predikant gjennom ei rekkja likpreikor, i alt 19, haldne i Danmark over adelige personar i aari 1596-1614, og alle serskilt utgjevne i prenten. Dei illustrerar godt overgangen fraa den levande hjartelege forkynning i refhdr. til enr humanistisk og teologisk skulemeisterkunnskap i retttrunadstidi. I hans fyrste likpreikor, lyder det ein praktisk from, einfeld tone, som i dei seinare maa vika for oratorisk kunst, utvikling av dogmatiske "punkter" og lærde citat i overflod. Han representerer her den nye ideale preikeform aa forkynna Guds ord "paa ret theologisk vis"<sup>2</sup>.

I same stil preikar dei ned gjennom heile hdr.:<sup>3</sup>

Anders Thybo, prest i Ryfylke	
Anders M. Colding,	} bpar i Bergen
Nils Paaske	
?Ludvig Munthe	
Nils Randulf	
Peder Schjeldrup	} bpar i Trheim
?Erik Bredal	
Anders Arrebo	



?Mentz Christophersen } prestar i Trøndelag  
 Ole Chr. Tønder }

Thomas Wegner bp. i Stavanger

Henning Stochfleth bp. i Chra.

?Samuel Bugge pr. i <sup>u</sup>idfjord

[Chr. St. Bang

Edv. Edvardsson]

Lars Quisling, slottsprest p. Akershus

M. Anders Mikkelssøn Colding (1560 - 1615) biskop i Bergen staar i ei serstilling. Han hev gjeve ut tvo samlingar latinske preikor - baae høyre til kategorien samanhengande bibel-preikor - 14 um Kristi lidingshistorie, Slesvik 1599, og 10 um kong Josafats siger over sine fiendar i 2 Krøn. 20, Kbh. 1614, tileigna Chr. IV!

Preikorne er skipa etter loci - metoden, nøiaktig ordna til dei minste detaljar, kvar preika oppdelt i fleire partar, partane i underavdelingar og underavdelingane atter i underavdelingar. Desse preikeskjena er magre skjelett, - der er ikkje noko led som er gløymt, men dei saknar kjøt og blod, sjølv um sume av dei fører fram til undervisning, formaning, trøyst.

M. Isak Grønbek, biskop i Trondheim, utla og forklaara Davids 90de salme i 21 preikor (utrykt, ms. Thott).<sup>4</sup>

M. Anders Arreboe, biskop i Trondheim 1618-22, hev ikkje gjeve ut preikor i dei aar han var i Noreg, men han hev etterleivt preike-samlingar fraa si verksemd som prest i Danmark fyre og etter bispetidi - baae utgjevne lenge etter hans død, ei med 15 preikor over profeten Esekiels syn (31, 1-15), Ossa rediviva, Kbh. 1681<sup>5</sup>, og ei med 15 preikor over Christi pines historie, Torcular Christi, Kbh. 1670.<sup>6</sup>

A. skil seg ikkje som predikant ut fraa si tid, i form og innhald, disponerar preikorne etter loci-maaten og nyttar rikleg historiske eksempel, og citat fraa alle tiders skribenter. Det som mest sermerker han, er at han gjerne hentar uttrykk og bilæte fraa det daglege liv. Men predikanten A. kann ikkje naame vær mæla seg med diktaren A.

Den ortodokse lærde predikanttype møter me i Dr. Nils Paaske, 1568-1636, biskop i Bergen, Peder Brocks samtidige og kontrast. P. hadde i sin ungdom havt ein snev av kalvinisme, men umgangen med den fromme danske adelsmann Holger Rosenkrantz hadde gjort han til streng lutheranar. Som predikant kjenner me Paaske fraa tvo likpreikor over adelege personar, Haldne i Bergen i hans bispetid.

(Margrete Akeleie 1621, Knud Gyldenstjerne 1630). Desse talor er overfylt av latinske sitat og fremmandord,<sup>7</sup> er bygt upp punktvis etter strengt dogmatisk tankegang. Men bak det harde skal av teologi og lærd bunad bankar ein varm religiøsitet boren av personleg kjennskap og røynsla. Han gjer kraftige utfall imot vanechristnedomen og den daude tru og søker aa vekka til sjølvprøving og Kristi etterfylgjing<sup>8</sup>.

M. Thomas Carlsson Wegner, 1588-1654, biskop i Stavanger hev gjeve ut fire likpreikor den siste i si bispetid (1630) nærmast ei eksegetisk-uppbyggeleg homili med lærde latinske citat av kyrkjefedrar og heidne skribentar, polemikk mot annarleistruande.<sup>9</sup> Tankesamanhengen er uvanleg fast, og predikanten legg for dagen djup aandeleg røynsle og myndigheit.

Gjennomsnittspredikant Anders Kjeldssøn Tybo, ein jyde, sokneprest i Hinderaa (Nedstrand) i Ryfylke 1601-ca. 1630. Tybo er mest kjend som forf. av ei bibelsk komedie, um Absalon (1618), "ingenlunde af de ringeste" (Pal. DBL XVIII, 378). Tvo smaa preikesamlingar - fire bøndagspreikor, Refrigerium animæ, d.s. sjelens læskedrikk 1625, og 7 fastepreikor over Jesu sju ord paa krossen Jesu Christi Testamente 1627. Den skjematisk loci--inndeling gjer desse 11 preikor rett stereotype. Tybo er baade reinlærande og lærd. Han strevar tydeleg nok etter aa naa upp til dei beste predikant-mynster, men han kjem ikkje synderleg utover det teoretiske fyredrag av dei oppbyggjelege sanningar og formaningar. Likevel lyder det her klaare evangeliske tonar, og det raadet ei sjeldsynt harmoni millom det religiøse og etiske.

115. oik 95.

M. Peder Skjelderup 1571-1646 biskop i Trondheim, vann som prest i Mådal Chr. IV's gunst som predikant ved kongens ferd til Norge i 1607<sup>10</sup>; av honom hev me berre ei einaste preike, ein liktale over lagmannen Peder Grum i Trondheim 1631, vel utarbeidt etter det vanlege skjema-metode, og bygt paa den ortodokse dogmatikk, usegjeleg turt og aand-laust.

Hans Gaas, 1599-1644, sokneprest i Borgund paa Sunnmøre, nyttar i ei likpreika fraa 1636, som er utgjevi av sonen (1649) den vanlege inndeling i partar med underavdelingar.

Hr. Augustinus Jenssøn, sokneprest ved Vaar Frue k. i Trondheim hev gjeve ut ei likpreika 1646, 250 s., over kona til borgermeisteren i T., som vel er den lærdaste av alle i 1ste helvti av 1600talet. Ho er ihopsett berre av citat, fraa skrifti og kyrkjefedrane, like til Jesper Brochmands Systema<sup>11</sup>.

Dr. Peder Jensen Kragelund, 1602-81, den norskfødde biskop i Ribe, strengt konfesjonell, nidkjær i tenesta, hev gjeve ut tri gudelege skrifter, nemleg utleggingar av Dav. Ps. 15 (1632) og av

4. Mos. 11 1-3 (1641) og ei likpreika 1657 (tr.1661). Denne siste utmerker seg ved alle dei ekstravaganser som høyrer den skriftlærde likpreika til, soleis ca. 750 bibelcitater.

Niels M. Arentzon, 1615-88, prest ved Laurentiuskyrkja i Tunsberg, held seg i ei likpreika fraa 1658 til det vanlege lærde mynster, inndelt i punkter, med latinske citat av lærefedrane, ortodoks, dogmatikk og eksegeese.

Zacharias Søffrenssøn ( - 1667) sokneprest i Faaberg, kallar si likpreika over provst Østen Nilsson 1652 (tr.1653) ein "enfoldig undervisning", men ho er alt anna, - ei skjematisk utstudert samling av lausrivne bibelspraak utan aand og samanheng: Retsindige Guds Ords tjeners tredobbelye ærekrone, med den hellige Skriftis aandeleg perler og sprog ornerit og prydet.

#### Andre preikeforfattarar.

Hans Jacosen Jersin	1617.	Likpr.
Henrik Tegneby	1651	Likpr.
Arnold de Fine	1662	Herrens Strids-Lov.
Laurits Sverdrup	1671	Likpr.
Hans Meng	1672	Likpr.
Gert Mum(me)	1681	Likpr.
Ludvig Stoud	1686	Likpr.
	1691	Likpr.
	1696	Likpr.
Halvor Nielsen Gjerpen	1702	Likpr.

## NOTER TIL KAP. 14: PREIKOR I SKOLASTISK-ASKETISKE

1. Rvs. III, 403-4
2. Noms 67
3. Nome 68
4. Rørdam, Arreboe I, 71
5. Rørd. I, 70-74
6. I, 196-8
7. DBL XII, 513
8. *Ilg. oik* 90
9. Faye, 240
10. Daae ThjSt 84
11. Nome 176

I. Ortodokse.

Jfr. Refaarh., Forkynning og oppbygging, s. )

Jens Bjelke, 1580-1659, Noregs rikes kanslar, er den mest framstaande oppbyggingsforfattar i 1ste halvdel av 1600talet. Hans fyrste religiøse skrift, ei bøn for alle stender, 1622 paa upoetiske rim, er eit ritnemaal um kor gudsfrykt var uumberleg for den fyrste mann i riket. Hans latinske utlegging av Fadervaar 1629 er merkeleg ikkje so mykje for innhald eller form, men fordi ho er forfatta av ein mann i Jens Bjelkes æge stilling. Det er skrifti Jens Bjelke nyttar til aa forklaara Herrens bøn, ho er eit lite bibelsk kompendium til dette "mønster for alle bøner", ho vart vel motteki, og kom straks i nytt opplag.

I 1633 fylgde summarier paa rim over innhaldet av det Gamle Testaments historiske bøker og ein del av Davidssalmar i poetisk form med allegorier og eksempler.

Sønderjyden Hans Skov eller Johannes Sylvius, hospitalsprest i Oslo, sidan sokneprest i Nes i Hallingdal, d. 1637, var ein vanskeleg og sjølvraadig mann, men var flitug med sin penn, serleg som oppbyggjeleg forfattar: en ny trøsteleg bog om Guds kjerlighed imod menniskan, utg. 1670, og uttrykte sangvise umdiktingar av Davids Psalter og av Salomos høgsong (1623).

Peder Iverssøn Borch (1563-1627), lektor theol. i Trondheim, vil i sin traktat um Mosebøkene 1619 ikkje berre gjeva teologisk lærdom til beste, men ogso paavisa det oppbyggjelege verde av desse bibelske skrifter.

Oluf Lauritssøn Truntheim eller Arctander, kapellan i Alstahaug paa Helgeland 1627, avsett 1629, drog til Kbhavn,<sup>1)</sup> gav i 1630 ut ei bok med titelen "Gud Faders Døttre",<sup>2)</sup> ei bibelsk skildring av det tridubbelte regimen: ecclesiasticum, politicum og oeconomicum; han kalla dei for tri sysstrar, som hadde den trieinige Gud til far, og kyrkja til mor. Men daa ho vart prenta utan aa vera fyrelagt professorane til censur,<sup>3)</sup> kom forf. paa det svarte brett ogso ved universitetet. Han vitja Holger Rosenkrantz paa Rosmholm og slo seg so ned i Lübeck for ei tid, visstnok som hospitalspredikant. Han gav ut boki paa latin i Lübeck 1635, og trykte fleire oppbyggjelege smaaskrifter i Kbh. 1635-36, bl.a. ei forklaaring over Dav.Ps. 34,<sup>4)</sup> der han gjev uttrykk for personlege stemningar, um tolmod i motgang og forfyljing, og ei god preika over Ez. 33,10-12.<sup>5)</sup>

1) KhS. 4.V, 387-93. 608-9. Erichsen, Thj.kath.skole 84-5. N.Saml. II, 503.

2) Erl. Tromsø 62. Daae Thj. 89.

3) Boki var bygt paa professor Kort Aslakssøns fyrelesningar.

4) Bibl.N. III.

5) I 1636 fekk han lov aa koma heim til Noreg og taka teneste i skulen; NR VII, 14.

II

(jfr. Arnt + Jersin)

Likesom i Danmark og Tyskland gjeng det ogso i Noreg jamsides med den ortodokse hovudretning, som dei fleste soknar til, andre straumar, - praktisk kristendom, mystikk, spiritualisme. -

Innslag av den praktiske kristendom møter ein ogso meir og mindre hos sume av representantane for den skolatiske ortodoksi, - t.d. Nils J. Arctander, Nils Paaske. Men der er i Danmark og Noreg ein liten gruppe oppbyggjelege forfattarar, som tydeleg hev liknande serpreg som Johann Arndt og Johann Gerhard. Hos desse menn dominerar den praktiske fromleik og den religiøse inderlegdomen, og dei hev henta aandelege skattar fraa den millomalderlege mystikken. Gerhards Meditationes Sacrae vart umsett til dansk 1614 (Sjælens klenodie), i 1618 4de bok ~~xx~~ (Naturspeil) av Arndts Sanne kristendom og i 1625 hans bønnebok Paradisis Urtegaard.

Arent Berntsen (Bergen), 1610-80, slottsskrivar paa Varberg i Halland, sidan raadstuskrivar i Kjøbenhavn, umsette i 1637 ei oppbyggingsbok om den "Konst at døe" av den tyske presten Martin Moller i Görlitz; hans umsetjing er betre enn den eldre danske og hev fleire norvagismar.<sup>6)</sup>

I Danmark er der i 1620-aari ein merkeleg krins av lærde menn, som ved sin praktiske og inderlege fromleik skil seg sterkt ut fraa den raadende teologiske kristendomstype. Til dei høyrer riksraaden Holger Rosenkrantz til Rosenholm (1574-1642), professor Caspar Bartholin (1585-1629), og Jens Dinesen Jersin (1588-1634), professor, prest og tilslutt biskop i Ribe. Felles for alle desse menn, er det at dei hadde gjennomgaatt ei alvorleg religiøs krise, som lèt seg tydeleg datera, og som for dei alle førte til eit gjenombrot og ei personleg avgjersla um heretter aa tena huds rike. Rosenkrantz 1600, Bartholin 1624, Jersin 1625. For deim alle medførte gjenombrotet, at dei slo inn paa ei ny livsgjerning. Rosenkrantz styrja med si fromme oppdragarverksemd paa Rosenholm, Bartholin gjekk over fraa medicinen til teologien, Jersin fraa fysikken og filologien til praktisk tenesta i kyrkja.

Som prest og biskop heldt Jersin i preikor og skrifter inntrengjende fram, kor naudsynt det var aa ha ei levande tru som maatte forandre velle menneskjenaturi.<sup>7)</sup> Han aatvarar mot den daude tru, og paaviser at kristendomen krev heilaggjering og fullkomenskap, og at den gudfrygtige maa føra ein stadig strid mot freistingane for aa staa fast i trui. Kristn-livet skildrar han serleg i tvo skrifter, som høyrer til dei kjæraste andaktsbøker i den danske (og norske) kyrkja: Vera via vitæ, en rigtig vei som fører til det evige liv, 1633, og Troens kamp og seier, 1636. Dei vart ofte opptrykt, snart kvar for seg, snart saman, i alt i 10-12 opplag like til 1869, ogso i Noreg i 1850-60-aari, og er umsett til tysk, svensk, slandsk.<sup>8)</sup>

Fraa Jørgen Sthen, prest i Ramnes, hev me ei bønnebok, Solens cirkel, 1630, med 185 bønner over alle sundagsevangelia aaret vordt

I dette reint oppbyggelege folkelege skrift held han seg strengt til skriftgrunnlaget, men gjev det att paa Johann Arndts kjenslerike maate, med sterk tilknytning serleg til Paradis Urtegaard, og likesom sitt mynster hev han ei rekkja spesialbøner for serlege tilfelle og stender - en bøn at bede for den som er besat av djevelen, en krigsmands bøn, en fiskers bøn, en quindis bøn naar hun pinis med sit barn etc.

Samuel Bugge, 1605-63, ein presteson fraa Etne i Shl., sokneprest i Eid i Nordfjord, tek ein ny tone i oppbyggingslitteraturen. Som student i Kjøpenhamm dikta han i 1624 eit gudelegt kvæde med den karakt. titelen "Sjælens hjertelige samtale med sin brudgom den herre Jesu Christo Guds og Mariæ Søn," som kom inn i Cassubens salmebok 1661 (Ey du søde Jesu, kjære Herre min).<sup>9)</sup> Etter ein sjukdom skreiv han i 1635 ei trøystebok: Sjælens faste borg er Jesu navn, Enfoldig undervisning, hvorledis et bedrøvet menniske som med samvittigheds banghed og melancholiske tungmodighed er beladen, kan trøstis og husvalis samt ogsaa i dødsens kamp mod allehaande fristelser styrkis og bevæbnis." Tileigna Henrik Bjelke, Jens Bjelkes son, 1649. Trykt 1655 og 1696.

I maaten aa handsama sitt emne paa skil S. Bugge seg ikkje fraa skriftortodoksien. Hans bok er "sammenskreven" av den hellige skrift "og lærde mænds skrifter", og skjematisk oppbygt i tilknytning til Matteusevangeliet. Men boki er ikkje noko produkt av daud retttrunad. Hans eigi oppleving ligg under og gjev liv og varme. Stilen er lett og aaskodeleg, og han hev eit praktisk grep paa emmet. - Han er i røyndi ein norsk parallell til Jersin, som han kanskje hev høyrte preika i Kbh, - han viser ogso til Jersins bok Vera via vitæ. Hans tru er ei sterk tillet til Guds forsyn. Han veit aa konsentrera trøysti for den ottefulle og tunglynde sjel kring Jesus. Han nyttar paa ein meisterleg maate bibelordet til aa stilla uroi hjaa det engsta samvitet.<sup>10)</sup> "Strid mandelig, o anfectede oc sorgefulde Hierte, oc holt dig frisk ock keck, lad ingen Pine eller smerte forjage dig fra din Almæctige Siæleborg, det Naadefulde oc Seyer-Rige Jesu Naffn." (s. 385) Den same fromme tillit til Jesu namn er det som kjem til orde hjaa Johann Gerhard (Sjælens Klenodie, p. dansk 1614) og hos Johann Arndt (Sande krd. IV, paa dansk 1618; cap. 1 § 8).

Laurits Jenssøn, spr. i Lund ved Flekkefjord kring 1640. I "en kort enfoldig tractat om tuende slags fristelser" (1640, trykt 1648), hev han i form av tri preikor som ikkje skil seg særleg ut fraa det vanlege, teke utgangspunkt i personlege opplevingar den tid han var prest i Nordland. Hr. Laurits' bok er eit godt døme paa korleis det innanfyre den tradisjonelle bunad av lærde citat og utviklingar kann banka eit oppriktigt hjarta, som under mange sorger og tunge tankar søkte si trøyst og oppbygging i Guds ord og som hadde opplevd sanningi av Augustins røynsla Ubi crux, ibi lux.

Anders Thomassøn, ein norskfødd prest i Danmark, fylgjer i ei likreika fraa 1651 (tr. 1652) fullstendig det Brochmandske mynster i samangande forklaaring av teksti, ogso han bibelsterk, men elles einfaldig ppbyggeleg, ein predikant som i visse stykke vik av fraa den ortodokse ype og minner um Johann Arndt i utviklingi av sitt tema: aandeleg livs dvisning, eller nogle fraa kjendetegn hvilke et Guds barn kan eragte om hristus lever i hannem og han udi Christo.

Ei spiritualistisk-separatistisk retning innanfyre oppbyggingslitteraturen er representert av den danske lektor i teologi ved gymnasiet i hristiania M. Niels Svendssøn Chronich. Han var verson til biskop Jacob inessøn Jersin, men gjekk langt vidare enn sin verfar. Chr.s aandelege æremeister var fyrst og fremst den samtidige tyske predikant Christian oburg, som i sine skrifter la hardt ut imot den raadande kjøtelege trygg-eik og tillit til det ytre kyrkjevesen, og vilde faa folk til aa venda uga innetter og formana dei til levande og verksam kristendom. Under den trid som Chr. kom i med prestskapet i Chra. gav han ut sitt hovudverk, roens Erindring oc Prøfuelse (forf. 1649, utg. 1651). Fyremaalet med oki er aa formana til sjølvprøving, um ein hev den sanne tru, d.e. den andeleg levande og saliggjerande tru, og han aatvarar kraftig imot "den istoriske tro", som er kraftlaus, skinheilag og daud. Og baade i denne ok og i tri aandelege songar (1649) varslar han Guds vreide og dom, hemn g straff, som skal raaka alle med den daude istoriske tru, medan dei anne aandelige truande vert lova ei herleg frelsa.

Chronich var "en troens mystiker",<sup>11)</sup> ein representant for subjektivismen, den fyrste som reiser seg i opposisjon mot den offisielle kyrkja. Han kjenner Guds aand kraft i hjarta, og i den tek han til orde for aa vefa si samtid for hennar vantru og verdenskjørleik. Dette at Chronich alltid talar i kraft av "Aanden", er eit av dei tydelegaste "svermar"-rag hjaa honom.<sup>12)</sup> Det er den Heilage Ande som talar i honom, hans preika r den Heilage Andes straffepreika.<sup>13)</sup>

J. Nome hev paavist,<sup>14)</sup> at Chronich for sitt hovudverk "Troens Erndring og Prøvelse" hev havt utbytte av aa lesa ei nyleg utkomi ortodoks-uthersk bok " , det er den sande levende troes fuldkommelige Visshed om Guds Naade, Syndernes Forladelse, Retfærlighed og det ævige Liv", av den danske presten M. Marcus Christensen Humble, sidan biskop i Stavanger. I denne bok, med all sin retttrunad, er rudomsvissa drivi ut i sin psykologiske konsekvens som ei hjarte-rørande rudomskjensla. I dette stykke er Humble i slekt med J. D. Jersin. Hos Chronich vert denne form av vissa gripi av subjektivismen og gjeng saman med paaverknaden fraa den svermerske lækmanns-mystiken hjaa Böhme, Weigel, loburg o.a. Ut ifraa denne "sanne" tru vender Chronich seg imot den "istoriske tro" og dei "falske profeter" som byggjer paa den. Imot det kyrkjelege preikeembete steller han "Aandens rette prædikeembede". Og som so



nange svermarar ventar han at ei ny aandstid skal bryta fram - og ser nange varsel um at tusundaarsriket skal koma.

Noko originalt er der ikkje i Chronichs buldrande vekkjingspreika. Det same umvendingskrav var fyrr stelt av Johann Arndt i "den Sande Christendom", og av J. P. Jersin i "Vera via vitæ".<sup>15)</sup> Det sermerkte ved Chronichs straffepreikor heng saman med personlege serdrag, - den valdsame tonen synest vera utsprungen av ein psykopatisk religiøsitet.<sup>16)</sup> Nome karakteriserar Chronich som "instinkt-mystikar".<sup>17)</sup> Med alle sine fraastøytande drag hev han gjeve uttrykk for noko sant og viktig, naar han krev at menneskehjarta skal vera Jesu "aandelege tempel i al Evighed."<sup>18)</sup>

Noter til "Uppbyggings skrifter, II".

- 6) NBL I, 490.
- 7) DBL VIII, 460.
- 8) Gjellerup 231.
- 9) KhS. 4 III, 700. IV, 224.
- 10) *Эп. оік.* 96.
- 11) J. Nome 226.
- 12) Nome 233.
- 13) s. 242.
- 14) s. 243ff. 268f.
- 15) Nome 283.
- 16) Nome 284.
- 17) s. 290.
- 18) s. 295.

## Preikor II: Brochmandske

A. Mentz Christopherssøn, 1598-1657, sokneprest ved domkyrkja i Thm., som hev skipa legatum Mentzianum ved vaart Universitet hev etterlate tri trykte likpreikor, haldne 1633-57, og var etter desse aa døma, ein solid forkynnar med ein sterk bibelsk-luthersk tone. Formelt nyttar han visstnok den tematiske inndeling, men held seg nær til teksti og preikorne hans vert soleis nærmast oppbyggelege eksegetiske avhandlingar som ligg nær opp til homelia, men med rikeleg skrift-citering, Paa ein maate representerar han ein byrgjande reaksjon mot den utmagra lokal-metoden og staar soleis Brochmand nær.

Ludvig Munthe, 1593-1649, sup. i Bergen, hev ikkje utgjeve preikor men han er kjent som ein framifraa predikant. Ein samtidig gjev honom den ros, at "han hadde en særegen gave til at prædike og hans prædikener havde kraft og virkning"<sup>1</sup> Sannsynlegvis hev han slaatt inn paa den homiletiske tekstutlegging som Brochmand. I Bergens kyrkjur innførte han i 1638 daglege morgonpreikor um Christi liding i fastetidi,<sup>2</sup> for dermed aa motarbeida fastelagsgalskapen, og han skipa daglege bedetimar morgon og aftan i domkyrkja.<sup>3</sup>

Erik Bredal, 1607-72, biskop i Thm. 1643-72, myndig og kraftig, var Jesper Brochmands disipel baade som teolog og som predikant. Han hev heilt oppgjeve loci-metoden, likesom B. Dei tvo likpreikor han hev gjeve ut (haldne 1646, 62), er prisverdig korte, jamført med det umfang som var vanlegt. Serleg den siste preika er ei fullkomi homili. Bredal fekk -det ettermæle<sup>4</sup>, at han var baade lærd og veltalende. I si forkynning legg han lærdommen tilside og talar praktisk og aktuelt. Han tek kraftigt tilorde imot den daude tru og utvertes kristendom<sup>5</sup>.

Engelbrekt Jørgenssøn, 1592-1659, sokneprest ved domkyrkja i Bergen, ein from stille gudfryktig mann<sup>6</sup>, far til dikterinna Dorothe Edtr., viser seg i tvo likpreikor (1649,55) aa vere inspirert av den Brochmandske preikeform; han gjev ei samanhangande utlegging av teksti opplyst med døme. E. hadde i 1630 umsett B.s gudelege undervisning um pest.

### B. Skolastisk-asketisk type ?

Biskop Henning Stochfleth i Oslo ( † 1664) M. Nils Sv. Chronichs motstandar, var ein læresvein av J. Brochmand, men han tapte med aari det brochmandske einfelde og som predikant viser han seg i seks likpreikor over adelege og forneme folk (1647-61) som ein tilhengjar av den dogmatiske og lærde forkynningsmaaten. Men burtsett

herifraa er dei oppbyggjelege og kraftige.

Utan lærdoms staffage preikar biskop Hans Rosing i Oslo (1625-99). Tvo likpreikor, som han hev gjeve ut 1656 og 1674 er jamnt oppbyggjelege, meir i Brochmands enn i Hemmingssøns stil, og dei gjev eit sers tiltalande bilæte av honom, so at sjølv biskop Erik Pontoppidan karakteriserar R. som ein dyktig predikant.

Til den biblicistiske gruppe høyrer Jens Colstrup (1639-1720), sokneprest i Nes paa Romerike og prost, med ei likpreika over "De Gudfrygtiges Siæle-Roe i Gud" fraa hans yngre aar (1670)

Ambrosius Hardenbeck,<sup>7</sup> 1621-83, sokneprest ved domkyrkja i Bergen og prost, gift med diktarinna Dorothe Engelbretsdotter, lærer ein aa kjenne som predikant av fem likpreikor, haldne i aari 1665-79; tvo andre er burtkomne. Han er, som fleire andre, komen over det skjematisk standpunkt i tekstutlegging, og naar han skipar preika i fleire "deler", er det for aa faa betre oversyn. Preika skal etter hans eigne ord gaa ut paa, ---- korte trøystelige formaningar, og dinæst - samanhangandi betraktningar over dei einskilde tema. Han søker aa "sky all vidløftighed". Hardenbecks livssyn er helder myrkt. Difor talar han so meir inntrengjande um det eine naudsynlege, han priser dei kristelege dygder, og tilskundar til heilagleik so me gjer Gud æra, og formanar til tolmod under krossen, og gleder seg i tanken paa at sjeli skal verta Jesu brud. Randulf segjer um Hardenbeck: Han bekjendte, at han, som andre Adams Børn, var ufullkommen og Syndens undergivne, begjærte derfor ikke at roses av nogen Ting uden af sin Skrøbelighed.<sup>8</sup> Hardenbeck var ein prest som heldt seg nær til Christus: Hans Blod er det røde Haff, huor igjennem vi gaar til Canaan, Hans kaarsfæste Kiød er forhænget, huor ved vi gaa i det Allershelligste" (III 73)

Jens Hoffmann, 1642-80, prest i Bergen, hadde studert i Holland og England, heldt ei likpreika i 1672 paa den biblicistiske maate med ein snev av barokk form.

D. Nils Randulf, 1630-1711, biskop i Bergen 1665-1711, hev etterlate seg tre likpreikor, haldne 1677-1704; dei høyrer til dei mest voluminøse i heile den norske (og danske) likpreikelitteraturen, soleis over Ambr. Hardenbeck 152 foliosidor, over biskop Jens Schielderups enkja 416 kvartsidor. Men ein vil ikkje trega paa aa gjeva seg kjend med desse preikor, dei inneheld i sanning perlor. Den "fortreffelige mand"<sup>9</sup> kjende seg visstnok ikkje kalla til aa

reformera den gjengse likpreikeskikken. Han var ikkje redd for aa tale vidlyftigt og aa gjeva rikeleg av teologisk kost. Han hev halde seg retteleg fri for det barokke blomsterspråk, og han prangar ikkje syndeleg med humanistisk visdom. Hans preikor hev til gjengjeld heilt igjennom biblicistisk-dogmatisk innhald, og er - serleg den fyrste - ei rein gullgruva for studiet av den upolemiske ortodokse kyrkjeldra. Med si utførlege eksegeese er det utenkjeleg at dei kann ha vore forfatta til gravferdi og haldne i si noverande form. Men der saknast ikkje friske oaser, der ein praktisk sans for aa nytta gudskunnskapen i livet kjem til orde.

Hannibal Jessen, † 1695, prest i Skien, held ei likpreika over ein fornem kjøpmann 1690, voluminøs (318 s.), men helit igjennom einfaldig oppbyggeleg, utan lærd eksegeese. Der er relativt lite av barokk ordleik, innhaldet er hovudsaki; han talar mykje um heilag-gjeringi, og gjev uttrykk for kristeleg livsrøynsla i personlege prøvingar.

Dr. Peder Jesperssøn, 1647-1714, syskenbarn til Petter Dass, kgl. konfesjonarius, galdt som den ypparste predikant i si tid, "oratorum Phønix"<sup>10</sup>, "Herrens Gyldenmund". Han hadde studert ved mange framande universitet, ogso i Oxford. Tvo trykte likpreikor fraa 1697-98 (tr. 1699, 1704) hev eit staseleg umfang, 411 og 412 storstila foliosidor, men dei er ikkje av dei lengste likevel, - biskop Randulf var drugare. Men det er vel ingen som hev overgaatt Dr. Peder i aa citera den Hl. Skrift. I den eine av desse likpreikor hev dei rekna til over 2000 bibelcitater. Men det er ikkje av den grunn han vart halden for veltalende. Han hadde ein personleg gneiste, som vekkjer og opplivar, han er djerv, klaar, forfriskande, talar plastisk og maalande. Han saag stort paa sitt kall som Guds ords tjenaar, og kravde vyrndad for kyrkja som "Moder". Han var ein konservativ mann, og let seg korkje paaverka av eller interessera for noko nytt, anten det var franske seder, moderne filosofi, eller misjon blandt heidningane. I samtidi er han kyrkjemann, rakryggja og uredd, som utan persons umsyn refsar synderne og held lovi fram for dei ubotferdige, manar til sjølvransaking og bøn og innordning under Guds vilje. Han er ein aandsfrende av Petter Dass og Edv. Edvardssøn, men fyrst og fremst av Petter Dass.

NOTER TIL KAP. 14: PREIKOR II: BROCHMANDSKE

1. N. Mag. II, 214
2. N Saml. I, 66-8
3. Hatting, 78
4. Pat. 3, III, 259
5. *Tilg. dik* 94-5
6. N Mag. II, 218
7. 1938 14/10 11<sup>15</sup>-12, 3 tilh
8. Folkevennen 1880, 323
9. Hatting 81
10. Zwergius 670

### Barokkstilen

Eit nýt stadium i soga aat preike- og oppbyggingslitteraturen inntreder me<sup>d</sup>/barokkstilen. Denne smaksretning er visstnok formidla gjennom tyske og engelske andaktsbøker som hev vunne rett stor utbreiding i Danmark og Noreg del<sup>s</sup>/i originalspraaket, dels i umsetjingar<sup>1</sup>. Alt i 1620-30- aari tek stilen til aa syna seg i originale danske oppb.<sup>s</sup>krifter, med bilætlege titlar som "Guds Proviathanus-Nøvel" (1624) "et aandelig Figenplaster" (1625), "Kong Davids Tyghuss"(1630), "den Himmelske Herredag" (1633)<sup>2</sup>.

I Norge merker me barokkstilen i oppbyggings- og preikelitteraturen fyrst hos den produktive danskfødde præsten i Romedal Christen Staffenssøn Bang.

Hans fyrste oppbyggjelege verk var ei bønebok ned titelen "Solens og Ugens Cirkel" eller Bibelske Poenitentzis Rose" (1640). Ho inneheld tri "bøne-knipper", nr. 1 heiter "den Mosaiske Nøvel som oplader Dørren til Guds Aldmæctigheds, Barmhiertigheds, Vissdombs oc Herligheds Liggendefæ vdi Verdens deilige Skabning øienskinligen afmalet," og gjeld dei 7 skapingsdagane, dei andre tvo talar um Guds "velgjerner og underverk" sju i det gamle og sju i det nye Testamente<sup>3</sup>.

Med si syrgjepreika 1647 over prins Christian (tr. 1650) meinte han , som fortalen viser aa bryta nye vegar for preikekunsti. Men denne hans "Threnologia" fortente langt ifraa aa verta teki til mynster, med sin uryddige tankegang, og sin overflod av skriftcitater, humanistiske og teologiske sentensar blanda med populære rim. Den barokke overlessing gjer seg ikkje mindre gjeldande i hans store katekismeforklaaring, Postilla Catechetica, 1650-65, som fyrr er umtala. Titelen Postilla høver serleg paa dei tri fyrste tomar, som umhandlar dei tri fyrste partane i katekisma (1650-52). Her knyter Bang "heele Prædickener" til kvar artikkel eller part. Desse lange og turre dogmatiske talar, inndelt i loci, gjev ikkje noko nytt, men repeterar det som er sagt betre i den fyregaaande katekisasjon. Av oppbyggeleg karakter i same uendeleg pratsame prydstil er ogso Bangs "Christianiæ Stads Beskrivelse" 1651, som slett ikkje gjev nokor topografisk skildring av Noregs hovudstad, tek namnet paa byen til utgangspunkt for religiøse formaningar "om de fornemste kardinaldyder", som innbyggjarane i denne Christopolis eller Christi stad skulde beflitte seg paa, likesom alle

Christelskende i samfundet i det heile.

M. Joachim Lobes (+1672), den tyske presten i Akershus, gjennomfører i ei likpreika over direktøren for Kongsberg sylvverk 1656 ei heilt allegorisk utlegging av kristenlivet som eit bergmannsliv i aandeleg forstand.

Same allegoriske konposisjon hev ei trøystepreika fra 1650 (tr. Chra. 1651) for ei adeleg dame, av soknepresten i Fredrikstad Mag. Nils Trugelssøn (†1665) som vakkert og frømt skildrar dei fire kjeldor som strøymar i "denne verdens grædedal".

Eit typisk barokk-produkt er ei liti likpreika som presten Burge Ølafson i Bragernes held i 1674 over eit 8 aar gammalt barn (tr. 1678): "Det Fluende Dødsens Postbud, Ved hvilket Gud sine Børn hiemkalder, undertiden vel noget tilig, dog icke fortilig". Tekstutleggingi gaar ut paa aa finna "flyende postbud" i bibelen; forf. kallar sin tale et "ringe og eenfoldig Arbeide".

Jens Mogensen Herdal, † 1699, sokneprest i Aafjorden og provst, hev bygt upp ei kort likpreika fraa 1662 med den barokke tittel "Troens Ziyr oc Kraft imod Dødsend" som ei mekanisk ihopsett samling skriftord um visse hovudemne teksten gjev høve til aa ta fram.

Ole Christophersen Tønder (1633-84) sokneprest og prost ved domkyrkja i Trondheim hev gjeve ut tri likpreikor, haldne 1666-79, veltalande, med prankande titlar og tydelege merke av barokkstilen baade i sjølve tekst<sup>u</sup>leggingi og elles. Høyr dette ærevers over den Gudfryctige, Ære- og Dydriige Qvinde Salig Margareta Hansdatter Pols, Velachtbar oc Discriete Lorens Mortensen Angels, Fornemme Handelsmand vdi Trundhiem, Hans Elskelige Hustrue (1670) (s.127).

En Fisker smerter det jo nock  
 Naar Fisk aff Krogen falder,  
 En Krog paa voris Maal og Sproch,  
 En Angel man jo kalder,  
 Hvor Angeffuld oc bange er  
 Vor Naboe Laurenz Angel,  
 Thi hand har mist sin Hiertens Kiær  
 Oc lider gudsens Mangel.

Men bak den tidsbundne forn bankar eit varmt hjarta, som forstaar aa bera fram den evangeliske trøyst til dei rettferdige i deira sorger og liqingar. Tønder aatte sjølv den "herlige fortrøstning", at "den troende har det ævige liv allerede i sig, formedelst den Guds kundskab han har i ordet om livet". Og hans preikor var umtykt og lesne.

M. Søren Hansen, 1623-79, sokneprest ved Domkyrkja i Trondheim, hev etterlate ei likpreika trykt 1671, er dogmatisk korrekt, med utførlege bibelcitering og lærd eksege<sup>4</sup>.

Lars Ibssøn Quislin, 1634-1700, dansk slottsprest paa Akershus "en meget begavet mand"<sup>5</sup>, hev gjeve ut ei likpreika han heldt i 1683 over stiftamtmanninna i Chra., trykt 1689, vel den mest uselege og minst andaktsfulle av alle likpreikor paa 1600talet, 377 tetttrykte foliosidor. Denne kjempepreika ser ut som ein gamaldags kommentar, med latinske citat i teksti, greske og hebraiske uttrykk, latinske fotnotar. "i slik utviding av preika sprenger fullstendig ramma for oppbyggjeleg forkynning. Men likevel legg predikanten for dagen verkeleg kjennskap til det menneskelege hjarteliv, - ingen av vaare forkynnara i denne tid hev gjeve slikt rom til samvitet. "Saa finde vi da dette, ok maa beklage det med vemodighed, at vor Levnets Løb bestaar i disse to Tng: At Staa ok Falde, det første er af Gud. Det andet af os selfuer (s.21).

Ole Jacobsen Borchmann, 1640-96, sokneprest ved domkyrkja i Trondheim, hev i ein parentasjon over ei generalmajorsfrue 1690, tr. 1691, ikkje prestert anna enn ein lovtale over den avlidne og hennar høypriselige Dyder. Talen over "dette forhen Høy-gudelige og nu Høy-salige Guds-Barns Lig" er overdriven "Dydeglatz-straalende", utan verkeleg kristeleg innhald.

Michel Biørnsøn, prest i Buksnes, bestefar til Gerhard Schøning, heldt i 1689 ei likpreika i kyrkja paa Værøy og Røst, tr. 1691. Ho lyder akkurat som likpreika lenger sør, den strøymande vrimmel av skriftord freistar han aa orden i ved inndeling i punkter.

Halvor Nielsen Gierpen, sokneprest i Gjerpen, heldt i 1701 ei likpreika (prenta 1702) som homiletisk er det mest monstrøse produkt i sitt slag, bl.a. med ei vidlyftig imøtegang av den stoiske filosofi. Denne preika vert nemt som eit eksempel instar omnium paa den vidlyftige utstilling av all slags lærdom. Ho minner meir um ei lærd avhandling med tekstkritisk apparat.<sup>6</sup>

Hans Olufssøn Nysted 1664-1740, norsk prest i Danmark, mest kjent for sine snodige spraakelege funderingar, hev gjeve ut ei merkverdig oppbyggingsbok, 1702, "Bie-dræt at Henged di Plante-Beed",<sup>7</sup> som med sin kunstla barokkstil og sitt folkelege drastiske humor er utan religiøs verdi.<sup>8</sup>

Nye variasjonar av den ortodokse barokktids gudelege helgenportrett leverar biskopen i Christiania Bartholomæus Deichman, 1671-1731, i sine overmaate veltalende likpreikor, 1703-19, deriblandt over Thomas Kingo. Han er ikkje berre lærd og teologisk vidlyftig, men han kan verta røst, og brønnande i aandi



og personleg salvesefull.

M. Ole Storm, 1646-1721, sokneprest ved domkyrkja i Bergen, hev levert den mest barokke av alle likpreikor, den han utgav over biskop Randulfs hustru 1710, 208 foliosidor. Det viser seg i den kunstferdige tematisering, i skildringi av den avlidne som det fullkomne dygdemynster, den maniererte kjedestil (uvant er uforsøgt, uforsøgt er uøvet, uøvet er uprøvet; Guldet kan man prøve ved Ilden, Quinder ved Guldet, og Mænd ved Quinder). Men bak dei obligate talemaatar skimtar ein likevel ein ny tid: han nemner kvekaren eller pietisten, "et i Verdens Øyne ringe agtet Menniske". "Gud gifve, vi i vore Hierter og Giærninger vare rette Pietister, det er Gudfrygtigheds ofver"(s.119).

M. Gert Bousach, 1653-1728, danskfødd, sokneprest ved domkyrkja i Trondheim og stiftsprovst, fylgjer i sine tvo prisverdige korte likpreikor (1708, 14) det ortodokse mynster, med utspekulerte barokke disposisjonar og turre og trøytande tekstutgreidingar. Men bak den tradisjonelle form bankar det eit front hjarta; han hev eit meir levande Kristusbilæte, talar serleg un Kristi liding og hans lydnad og tolmod og kjærleik i oppofringi, altsaman meir menneskelege drag i Kristusbilætet, som den ekte ortodoksi ikkje hadde auga for. Guds barnet skal i trui sjaa Kristus krossfest, og smaka samfundet med hans lidingar i ei syndig verd. Han kjenner seg her som noko av ein utlending, som ventar paa "en fred for ald Verdens Storm" - den fred som kjem "naar Herren recker os Haanden og tager os ind og gjør det alt sammen stille for os" (I,67). Som hos hans samtidige Ole Storm merker ein noko av pietisten, endaa tydelegare.

Sin kulminasjon naar den geistlege panegyrikk i dei forordna likpreikorne over kongane, i tvo norske likpreikor over Christian V † 1699 slaar denne syrgjelege affektasjon ut i fullaste flor.

M. Niels Smed, lector theologiae i Bergen, sidan biskop, skildrar "Danmarchs og Norges Lande-Soels Formørkelse" i ei preika paa 151 storstila foliosidor, oppbygt etter ein vidt driven skjematisk formalisme, med lærdons fyllekalk, og fløymande av lovord over den avlidne fyrste, som "efter Navnet var en Qvint essentz af alle forrige Kongers Naade og Miskundhed".

I same stil var "den helylovlige Himmel-Salige Monarch" ihugkomen av "een tacknemmelig undersaatte, en fattig Norsk Bonde-PræST", M. Nicolaus Stabell (c. 1666-1726) i Sund ved Bergen.<sup>9</sup>

Ved neste kongeskifte 1730 vart det framleides preika på denne obligate maate. Men i den beste av alle norske kongelikpreikor, av presten Johann Cold paa Fredrikshald 1730, møter me ein kraftig, overlegen, harmonisk personledom.

NOTER TIL KAP. 12, 14: BAROKKSTILEN

1. F. Bull II, 171.
2. Ros. III, 383f.
3. B.N III 617.
4. Khs 4 231-46
5. N. Mag. II, 484.
6. Jfr. Bang 375
7. Bull II, 134.
8. Nome 423
9. B N III 464.

Blodteologien

Den merkelegaste preikeforfattar paa midten av 1600talet er dansken Erik Erikssøn Pontoppidan, seinare biskop i Trondheim. Med sine pasjonspreikor fra 1653: "Gudelige Betænkninger over Vor Frelseris hellige Bloed-Daab" innfører han blodteologien i andaktslitteraturen.<sup>1</sup> Predikanten søker aa hjelpa tilhøyraane til det nærmast mogelege personlege tilhøve til frelsaren og faa deim til a kjenna til gagns hans kjærleik. Han utmalar hans lekamlege lidingar, penslar dei ut i alle einskildting, og oppmanar til i aanden aa fanna Kristi blodige lekam og beda at Kristus maa innta vaare lekamar so me avstaar fraa syndi.

## NOTER

1. Ros. III, 414, 415-6, NMPet. III, 138-9.

## Rørelse

I den site halvdel av 1600talet kjem det eit nytt innslag i den kyrkjelege forkynning, noko som òg viser seg i oppbyggings-skrifter og i religiøs poesi, nemleg fraa kjenslelivet. Det personlege moment gjev seg uttrykk i følsomhet og rørelse, - med "taarer paa kinderne" og "suk i hjertet", med lengt etter en "skimt av Jesu herlighed", med "sød eftersmag" av oppbyggings-stunderne i Gudshus.

Ole Frantsen Flor, 1651-99, prest i Gjerpen, fører oss heilt inn i den barokke geistlige talekunst med si likpreika 1687 over oberst Johan Arnolds tredje "ædel-dyde, hiertelskende og dyremistende frue". Typisk er titelen: "Det beknyttede Hierte, Saadang som det og kand findes end og i det beste Guds Barns Bryst, naar Skilmisse skal være, og mand er stad mellom de tvende, Livet og Døden. Hvor Hiertet da er beknyttet, naar Knuden skal løsis, og Sindet beklemt, naar Sielen skal forløsis".<sup>1</sup> Men kjensla er hos denne predikanten ikkje berre ei tidstypisk form, det er ein harmonisk, ekte kristentype han teiknar.

### NOTER

1. DN III 1017

Aalmenne drag. Kritikk.

Forkynnings- og oppbyggingslitteraturen paa 1600talet har visse aalmenne felles kjennemerke, ytre og indre.<sup>1</sup> Spissfindigheten og abstraksjonen aukar paa, serleg i likpreikorne, og jamvel i katekismeforklaaringane finn dei dogmatiske subtilitenane innpass. Denne tendens heng saman med disputasjonsvesenet ved universiteti.

Tankeverksemd i finn uttrykk i ei stadig finare oppkløyving av materia. Det syner seg serleg i preikedisposisjonarne, men me møter den same tendens i dei spesialiserte bønnebøkene, med bønner for ymse situasjonar, og for kvar stand og stilling. Den overmaate flittuge bruk av bibelcitat - bibelordet er ei uttømmeleg kjelde, verksamt i seg sjølv - fører med seg at oppbyggings-spraaket vert uvilkaarleg farga av bibelsk uttrykksmaate og stil - Kanaans spraak. Dertil kjem den litterære ommverknad fraa barokkstilen. Spraaket vert meir levande og ledugt, stilen vert rik og variert, framstillingi veltalande, og prydd med eit stadig rikare blomsterflor og medviti ordkunst.

Den dogmatiske og bibelske overflod i preika fører til overmetting og framkalla interesseløysa og svemn. Fylgjorne var avslapping baade religiøst og moralsk.

Kritikken kom tidleg tilorde. I 1673 umsette ein gamall dansk magister -pæder Nielsen Mehrn (+ 1675) - ei bok av den gudfryktige tyske juristen, salmediktaren Ahsverus Fritsch, med den bitande titelen: "Den uchristelige Christendom hvilken udi disse tider i høy og nedrig stand fast overalt lader sig se og fornemme", Det heiter her (s. 15): "Lærere oc Prædicantere studere vel langt ud paa Natten, raaber sieden indtil de blifoer heese oc krancke, paa det at den høynødvendige Lærdom om Troen ... maa Tilhørerne med god Eftertryck forkyndis. Men hvad blifver der her ved i Guds Menighed forbedret? hvo troer deres Prædicken? hvor er Ifrighed oc Andact til at fatte i Hiertet Ordet som prædikis?."

## NOTER

1. 1941 21/3 10.15-11 4. tilh.

Inderlegdom og askese

Fire oppbyggjelege forfattarar: Edvard Edvardssøn, Michael Leigh, Jonas Ramus, Peder Brinch.

Edvard Edvardssøn, 1630-95, konrektor ved katedralskulen i Bergen, "en mand af gode gaver"<sup>1</sup>, ein ekte humanist, med levande kjærleik til sin fødebys historie, som han dyrka heile sitt liv, - preika ogso ofte i Domkyrkja. Av desse preikor framgjekk ei oppbyggingsbok, som vart kasta ut i prenten 1668 av Nils Andersson Klimb, namngjeten fraa Ludvig Holbergs forfattarskap. Boki hev titelen "Guds Bolig hos Menniskene", og handlar "Om at et Menniske kand hafve Gud hos sig i sit Hierte, Huorledis det kand skee; Oc huorpaa mand Guds Nærværelse hos sig kand kiende." Inndelingi og emnehandsamingi er heilt etter den ortodokse uppskrift, og ved sine lange rekkjor av skriftcitater viser forf. seg som ein etterfylgjar av Brochmand. Men der er noko inderleg hugtakande ved denne stillferdige bok. Edvardssøns aandelege vegleidar var Johann Arndt, og den indre slektskapen med honom viser seg, ikkje i litterære laan, men i aand og tone.<sup>2</sup> Som Arndt og dei beste ortodokse forkynnarane fører han fram tvo vitne for det han segjer um Gud, 1) skrifti, 2) "forklaring", d.e. iakttaking av Guds vesen gjennom naturi. Men dinest talar han um den indre røynsla, og han hevdar korleis Gudstilhøvet maa vera personleg - avgjort, og han viser kjennemerki paa det rette indre tilhøve til Gud. Serleg framtrekande er hos honom Kristus-mystikken, som er sterkt kjenslevoren og stundom fær karakter av brudemystikk.

Edv. Edvardssøn er ein Johannes-sjel, saktmodig, stille, harmonisk, elskeleg. Og kor vakkert lokkar han ikkje folket til oppbyggjingsstunder i Herrens hus (s. 399 f.); I ei likpreika fraa 1682 (tr. 1684) er han derimot ikkje seg sjølv, han fylgjer berre moden.

Jonas Ramus, 1649-1718, sokneprest paa Norderhov, gift med den namngjetne Anna Colbjørnsdotter, var flitug som historisk og kyrkjehistorisk forfattar, men hev ikkje i denne eigenskap sett merke etter seg. Det hev han derimot gjort som oppbyggjeleg forfattar, gjennom si bok "Naadens aandelige Markets Tid eller Tids-Market, Guds Børn til en Opmuntring at kjøbe Olie i deres Lamper, den Stund det er endnu Naadsens Tid, og Salighedsens

Dag, at de kunde være færdige, naar Brudgommen kommer, at indgaa med honom til Herlighed. Enfoldeligen forestillet af Den som i stilhed og haab henlever <sup>i</sup>/<sub>sin</sub> tid, og efter tiden forventer ævigheden i Guds og Christi Jesu Rige", 1680.

Boki er eit einaste intenst vekkjarrop til dei daude kyrkje-lydane. Blandt norske oppbyggings-skrifter fraa 1600talet hev ho vunne den største og varigaste utbreiding, og kan i so maate mæla seg med Povel Medelbys og Jesper Brochmands postillor. Boki hev halde seg i meir enn 200 aar, og er trykt i alt i 21 opplag, derav fem i Stavanger og Bergen i 2dre helvti av 1800talet, den siste i 1888. I 1769 var ho umsett til svensk og hev der upplevt 15 opplag, til 1858. Ei onnor gudeleg bok av Ramus kom i 1695, Aandelig Herbarium eller Siælens Lyst-Have; ho er meir kvietistisk, "en aandelig Spatzergang igiennem den hellige Skriftis Urtegaard", til "en Gudelige Siæls Forlystelse".

Boktitlane staar under innverknad fraa barokken. Men i bruken av bilæte og stilistiske kunstlerier held Ramus seg innanfyre nokolunde rimelege grensor.<sup>3</sup> Naar slekt etter slekt hev funne oppbygging i den fyrste av R.s gudelege bøker, den han skreiv i sin mogne ungdom, daa kjem det av den asketiske pessimisme, den vekkjande domedagsvarsling - den sjelelege kamp med kors og smerte, og helvetes angst og grø, lengten etter naaden og freden i ein himmelvendt sinn.<sup>4</sup>

Det er serleg tvo tankemoment: "denne korte tid" og "den lange evighet", som for ham verkar vekkjande til andakt og Gudsfrykt.<sup>5</sup> Hans bok um Naadens markedstid er tydeleg vendt imot den høgare selskaps-verdi og vel serleg det forfengelege og njotingssjuke hovlivet i Kjøpenhamn, som han var vitne til i sine student- og kandidataar. Hovet vart eit fyrebilæte utover i samfundet i moder og seder.<sup>6</sup> Til si epikuriske samtid vender han sitt vekkjarrop ut ifraa Pauli ord i Efes. 5, 16: Igenkiøber Tiden, thi Dagene ere onde.<sup>7</sup> Han minner menneskjerne um den fyrestaaande alderdom, daude og dom, um helvete og æva.

Innhaldet i Ramus's bok er ikkje originalt - Johann Arndt, Johann Gerhard, Heinrich Müller hadde talt um verdens faafengd, det korte livet, og Helvetes strenge pina. I likpreikor var tonen stadig "verdens forgjengelighet". Ei vekkjarrøyst til Ramus's eigi samtid var Ahasverus Fritsch's bok "den uchristelige Christendom", umsett til dansk 1673. Men Ramus's viktigeste

fyrebilate var utan tvil J.D. Jersins skrifter. Den merkbare skilnaden i metode heng saman med at Ramus's samtid hadde ein annan karakter enn Jersins - den religiøse inndifferentismen hadde no teke til aa gripa kring seg. - Ramus stiller upp som kontraster "verdensbarnet" og "gudsbarnet", hans fromheitideal ligg so nær upp til det asketiske som hjaa nokon oppbyggjeleg forfattar paa 1600talet.

Michael Leigh, c. 1656-1710, ein dansk mann rektor ved katedralskulen i Stavanger, sidan lector theol. i Kristiansand, tilslutt sokneprest i Tveit, hev gjeve ut ikkje berre lærde filosofiske og teologiske skrifter, men ogsa fleire oppbyggjelege, tri smaa andaktsskrifter og ei preikensamling.

- 1) Guds Børns Herlighed her i Naaden og hisset i Æren, 1680, 3dje upplag i 1738.
- 2) Gileads Salve imod Dødsens Saar, det er Siæle-rørende Betænckninge imod Døden; - og (B) Menniskens Dag og Natt, Liff og Død. 1682, 3. uppl. 1697, paa svensk 1754.
- 3) Zions Suck og Jesu Trøst, det er: Christelige Siæle-rørende Betænkninger, uddragne at Søndagernes og Festernes Hellige Evangelier, 1697, - den fyrste (og siste) freistnaden som er gjort her i Noreg paa 1600talet paa aa skrive ei samanhengande postilla. Hos Leigh møter me ogsa den tids rettruande teologi, men han er intelligent og hjarteleg, og der er ved honom noko varmt, fint og ljost, som minner um Johann Arnd.<sup>8</sup> -

Alt titlane viser, korleis han vil tala inderlegt og trøystande til sjeli. - Hans fyrste skrifter er ikkje originale, men er henta fraa, eller byggjer paa, andre. Hans preikemetode er bibli-sistisk, som Brochmand. Gjennomgaaende er ogsa hos Leigh tanken um dauden, kjensla av forkrenkelegdom, og sukket og lengsla etter himmelen.<sup>9</sup>

Peder Jacobssøn Brinch, 1668-1720, la seg ivrig etter lærde studier, serleg bibelsk filologi og kronologi, men gav ogsa ut ei oppbyggjeleg skrift "Guds Dybheders Anskuelse udi Guds Visdoms, Magt is oc Godheds i Naturens Lyckens og Naadens Rige Betragtning" (1697). Han vil her læra andre aa sjaa Guds styring ikkje berre i dei gode dager, men og i motgang og liding.<sup>10</sup>

Som prest i Arendal (1703-20) var han ein uvanleg nidkjær Herrens tenar. "Sandelig Guds Aand regjerer ham, og havde vi saadanne Præster overalt, da var lændesiden Christendommen andeledis".<sup>11</sup>



## NOTER TIL INDERLÆGDOM OG ASKESE

1. 1938 21/10 10.15-11 5 tilh. N.Mag. II, 467. E. hadde stud. i Holland.
2. "Udi Theologien var han en Ant eller Taulerus". EO Schwarzkopf, i D. Saml. IV, 84.
3. Bull II, 162
4. Jfr. B1Sv. I, 149-51.
5. Nome 378-9. 387
6. 380 ff.
7. 387. 397 ff.
8. Trap, DBL X, 188. Bull I, 172, Bang 390.
9. Nome 412-16.
10. BN III 1243. Bolling i NTT 1941, s. 5
11. Th.v. Westen 1715. Theol T. N.R. VIII, 1882, 402.

Peder Ditlefsen, sokneprest paa Røros 1662-89 umsette:<sup>1</sup>

Daniel Dyke (+ 1616, presbyterianer)

The mystery of self-deceiving.

Nosce te ipsum.

Ikkje prenta.

Siden umsett av fleire , men ikkje prenta.

Atter umsett av Ludvig Winslov (sokneprest i Vaaler 1702--17)

Hiertets Selfbedragelse eller Selfbedragelses Hemmelighed,

Kbh. 1706 og 1737.<sup>2</sup>

#### NOTER

1. Erlandsen 179

2. Khs 5. II, 363 ff. NB her også um ums. av Johan Arndt.  
jfr. 5 V, 675 n. 1.

I 2dre helvti av 1600talet gjer det seg gjeldande en sterk innverknad fraa engelsk preikemaate og andaktslitteratur, - visstnok til dels som reaksjon mot den tidlegare einsidigt tyske. Dette er utslag av ein interesse for det praktisk oppbyggjelege. Det gjeld aa faa tak i tilhøyrarane, vekkja dei or den aandelege passivitet, faa dei til aa lyda etter, so dei kjenner andakt, eller samlar tankane og skynar at talen hev verde for deim og gjev slik lære eller formaning som ein treng til.

Dei engelsk paaverka predikantane skipa sine preikor tematisk, forat merksemi skulde verta retta imot ein eller einskilde serleg viktige tankar i teksti. Innhaldet i desse temata vert utvikla i ein klaart disponert og inndelt tale, og talen vert avslutta med "applikasjon", d.e. ei direkte og praktisk tilvending av det som er sagt, paa tilhøyrarane og deira tilhøve. Innhaldet gjer predikantane innlysande og interessevekkjande ved raakande citat or Bibelen og framstaaande forfattarar eller med aalmenngilde moralske sentensar eller opplysende analogiar fraa dagleglivet eller naturi. Og der vert lagt serleg vekt paa aa "moralisera" - aa utdraga ein nyttig lærdom. Alt dette skulde hjelpa til at folk lettare hugsa det som var sagt og dermed vart ført til ettertanke.

Som fyregangsmann for den engelske preikemaaten nemnest Hans Enevoldsen Brochmand, prest i Kjøbenhavn, død som biskop i Aarhus 1664. Han hadde studert i England i 1640aari, og viste som predikant tilhug til lærd og aandrik allegorisering. I motsetnad til den eldre jannare maaten fall baade predikantar og oppbyggingsforfattarar for freistingi til aa visa sin lærdom og serleg sin bibelkunnskap.

Erich Pontoppidan d.y., som lærte aa kjenna den engelske preikemaaten paa eit seinare stadium, daa utvokstrane var komne sterkare tilsyne, hev lite tilovers for han og skildrar han i myrke fargar.<sup>1)</sup> Metoden tente, segjer han, meir til aa formyrkja enn til aa forklaara Guds ord. Predikantane berre "pønsede paa at conglomerere en stor Mængde af bibelske Sprog-Exempler, Lignelser og sententieuse Moraler, grundede ikke paa en Real-, men allene en Verbal-Concordantz, og hensigtende ikke til nogen vis Hoved-Materie, men som et sandt quodlibet adspredt i en Mængde Divisioner og subdivisioner, hvis samling var som det tørre Land, naar man aabner Haanden, og lader hvert løbe sin Vey." Preika utarta soleis til "en Remse sammenvævet saa net og tet, at den blingede af lutter artige Talemaader, allegoriske Indfald, korte allusioner paa lange Bibelske og Almen ubekendte Historier." "Saadant DukkeTøy, spillende Concepter, Allusioner, Allegorier, Paronomasive... og bibelske Artigheder" kunde kyrkjelyden, segjer Pontoppidan, høyra aaret igjenom, og ~~sv~~ vera like uvitande um Herrens vilje.

Likevel hev den engelske preikemaaten, paa eit tidlegare stadium, som Pontoppidan ikkje kjente, havt sin kyrkjehistoriske misjon. Det var ei frukt av den nye preikemaaten, at predikantane tok til aa innsjaa at det nyttar aa appellera til folks aandelege aktivitet, og at naar ..... (s. 159) og kjensla vert paaverka, nyttar det ogso aa appellera til viljen. Difor heldt desse engelsk paaverka predikantane med styrke fram dei moralske plikter og tala med kraft og mynja um aa avleggja laster og øva dygder.

Den nye preikemaaten vart snart moderne i Danmark (og Noreg). Den eine predikant etter den andre freista paa denne vis aa gjera sine preikor interessante. Sidan 1650-aari var det relativt mange danske (og norske) teologar som studerte i England. Og det er tydeleg som ein frukt av denne paaverknaden aa merka ein sterkare interesse for preika ogso i kyrkjelydane.

Samtidig med kunstpreika kjem ogso kunstpoesien paa moden, vekselverknad millom tale og dikting. Men kunstformi var ein faare baade for predikanten og dikteren, og freista dei baae til aa briljera, med teknisk dugleik, med aandrikdom og originalitet.

Den eldre ortodoksi hadde hevda at for eit verkelegt kristelegt liv var det absolutt turvande aa halda fast paa den reine læra. No tok dei til aa forstaa at iminsto ikkje alle dei teologiske lærdomar og ikkje alle bib. citat var like viktige for livsførsla, og at livet i det heile var viktigare enn læra.

Samtidig med den nye preikemaaten vart engelske oppbyggingsbøker overført paa dansk, den fyrste i 1646, ialt 17<sup>2</sup> forfattarar fyre 1700, forutan fleire anonyme. Umsetjingane vart gjort baade i Danmark og i Noreg. Det fyrste skrift av denne art som vart umsett til dansk i Noreg, hev den karakteristiske titelen: "Nogle herlige, deylige oc skøne Regle oc Lærdomme om et ræt sandt Christeligt Levnet"; den u-nemnde engelske forfattaren var Georg Hartlibius, og umsetjaren var ein dansk student Christen Pedersen Abel, som hørde til Nils Svendsøn Chronichs retning. Abel uppeheldt seg ei tid i Noreg, og boki vart prenta i Christiania 1658.<sup>3)</sup>

Presten Gert Henriksson Miltzow paa Voss<sup>4)</sup> umsette i 1662 Sparetimer til nogle Betragtninger av Jos. Henshow, og i 1682 paanytt Hartlibs nystnemnde bok, no med titel "En christelig Dagebog, hvorledis man skal dagligen ret føre og fremsætte i Gierningen sin Christendom" (Baae bøker fraa tysk).

Den flituge umsetjaren av oppbyggingsbøker, nordmannen Peder Møller, som si meste tid var prest i Danmark, umsette bl.a. ei av dei ypparste engelske vekkingsbøker, The Christian Soldier or Heaven taken by Storm (1669), av den namngjetne nonkonformistiske predikanten Thomas

Watson, paa dansk 1683 med titelen "Den bestormede Himmel".<sup>5)</sup>

Lækjaren Johannes Olsonius i Bergen, ein disipel av Jacob Böhme, umsette i 1685 ei bok av puritanaren Francis Rons, "Det himmelske Academie, som lærer os hvorledis vi udi Guds himmelske Viisdom og Kundskab skulde undervises".

Den danske presten Jens Sørensen Bergendal, død 1720 som sokneprest ved Korskyrkja i Bergen, gav i 1679 ut ei bønnebok av Jo Hayward, Davids Taare (over Ps. 6), som kom i 7 opplag.<sup>6)</sup> I 1698 fylgde Adskillige Lærdomme mod Døden, av Rob. Hill.<sup>7)</sup>

Noter til "Engelsk paaverknad".

- 1) E. Pontoppidan, Collegium pastorale 1757, s. 186-88.
- 2) Andersen LVII oppreknar 16; dertil D. Fiatly (c. 1690) (Ehr.M. under K. Sassius).
- 3) Sjaa kap. "Andre spiritualistar", s.
- 4) en vakker lærd mand, N.Mag. II, 474.
- 5) PRE <sup>3</sup> XXI, 24.  
I 1678 umsette P. Møller Guds Krigs-Artikel av Lancelot Andrews.
- 6) BD I, 310.
- 7) BD I, 450.

Alle desse umsetjingar vitnar um at der var trong til andre oppbyggingsbøker enn Povel Medelbys og Jesper Brochmands postillor eller dei mange og lange likpreikor. Men blandt dei samtidige framande oppbyggingforfattarar er det ingen som hev vunne slik popularitet i Danmark og Noreg som Heinrich Müller (1631-75), professor og prest, sidan superintendent i Rostock. Han var ein ekte sjelesyrgjar, som nøgje kjente menneskehjarta, og han tok praktisk paa spursmaali. Han hatar den umsveipsfulle uttrykksmaaten, gaar rakt paa, talar i korte setningar, brukar kraftige og slaaande vendingar. Han driv sterkt paa umvendning og bot, refser lasterne og manar til heilaggjeering. Han er ein fiende av den utvertes gudsdyrking utan aalvor i hjerta, for den gjev berre falsk fred, og "Sicherhed er den genviste Vey til Helvede". Berre den kristendom som er ekte og opplevd, hev verde. Den ekte kristen viser Kristi kjærleik i si gjerning, og eig gleda i prøvingar og sorg og naud, fordi han eig himmelen alt her.<sup>1)</sup>

Heinrich Müller vart innførd i den norske og danske oppbyggingslitteraturen av den fyrr nemnde norske presten Peter Møller (1642-97). I Christiania 1667-69 utkom det "Aandelige Spare-Timer" eller 450 hus- og bordandakter (av 1664). I Kjøbenhavn gav Møller ut tvo andre: 1677 Taare- og Trøste-Kilde (av 1675), 1683 Aandeligt Tach-Altare (1659). Claus Andersen Trundhiem, den norske presten i Aarhus, umsette i 1683 Müllers Himmelsk Kierligheds Kys (av 1659).

Ei av Müllers preikesamlingar, Evangeliske Hierte-Speyl (1679) vart umsett i 1705 av den danske studenten Hans Winsløw (ein verson til Joh. Brunsmand).

Ein annan av den tids høgast verdsette tyske predikantar og oppbyggingsforfattarar vart og overført til dansk av Peter Møller, nl. Johann Lassenius (1636-92), prest ved St. Petri tyske Kyrkja i Kjøbenhavn. Han var ein merkeleg, original predikant, fast og tru i læra, varm og djup i hjarta, rik paa tankar, fyndig i si framstilling.<sup>2)</sup> Peder Møller hev av honom umsett hans bønnebok (1680, 10de opplag 1730), hans andaktsbok "Bibelske Wirach til gudelige Andagters søde Lugt" (1688, 5. oppl. 1748) og eit par andre. Fraa tysk hev Møller ogso umsett den vidt utbreidde bønnebok av presten Caspar Neumann i Breslau, Alle Bønners Kiærne (1683, 3 opplag), og ei mykje umtykt andaktsbok av Johann Qvirsfeld, archidiakonus i Pirna i Sachsen, med den barokke titel: "det himmelske Haveselskab, bestaaende udi 40 Samtaler imellem Christene og enhver troende Siel" (1691, 13 opplag, sist 1869).<sup>3)</sup> Den lærde og fromme norske presten ved Vartov hospital i Kjøbenhavn, salmediktaren Johan Brunsmand (1637-1707) stelte paa og gav ut igjen eldre danske umsetjingar av fleire tyske oppbyggingsskrifter (1686-92) av Phil. Kegel, Johann Arndt og Martin Møller (Ehr.-M.).

Ein aandsfrende av Heinrich Müller var Christian Scriver (1629-1693), prest i Magdeburg, død som overhovpredikant i Quedlinburg, namngjeten som ein djup, inderleg og fin predikant og oppbyggjeleg forfattar. Framfor alt hev han nedlagt si rike aandelege røynsla i det store verket "Der Seelenschatz", som i aari 1675-92 gjekk fram av hans preikor. Der var ein og annan ogso fraa Norden som kom og søkte rettleiding hos Scriver personleg, soleis den unge danske lærde Mag. Peder Krog (1654-1731), som i 1677-78 oppheldt seg næstan eit aar i Scriver's hus i Magdeburg for aa "profitere in homileticis". Det skyldest vel paaverknad fraa Scriver, at Krog som biskop i Trondheim (1689-1731) la vinn paa flitug sjelesorg. Den einaste preika me hev fraa Krog (1729) viser at han som predikant heldt seg til den gamle, tematisk tekstutleggjande skulen.<sup>4)</sup> -

Det er fyrst langt fram paa 1700talet at Scriver vart innførd hjaa oss gjenom danske umsetjingar av hans skrifter (1718 Gyldene Bøn-Klenodie fraa Sjele-skatt; 1730 andaktsboki; 1741-42 Sjele-Skat).

Derimot vert no, mot slutten av 1600talet, Johann Arnd, gjort meir kjend i Danmark og Noreg enn han fyrr hadde vore, gjenom den fyrste trykte fullstendige umsetjing av "den sande Christendom"<sup>5)</sup>, ved den danske presten Samuel Jenssøn Ild, ein vekkingspredikant som folk reiste lange vegar for aa høyra.<sup>6)</sup> Umsetjingi var fullførd 1682, men det tok tid med censuren som - karakteristisk nok - fann at ein del maatte forandrast. Med hjelp av Johan Brunsmann - som bl.a. ogso gav ut paa nytt umsetjingi av Arndts Paradis Urtegaard - kom "Lyset i Mørket, eller <sup>fire</sup> Bøger om den sande Christendom" umsider ut i 1690, og vart snøgt utbreidd og etterspurd; alt i 1703 vart 4de opplag trykt, og utgjenom 17- og 1800-tali kom det opplag paa opplag. \*

Den siste og viktigaste originale andaktsskrift i den danske oppbyggingslitt. paa 1600talet er "De Bedendis Aandelige Kiæde i 41 Led eller Christendommens Artikler", 1700, av den fynske presten M. Hans Jakobsen Hvalsøe (1656-1712), som sidan atter og atter er opptrykt, ialt over 40 opplag, i Noreg til 1876, i Amerika 1886, i Danmark 1905.

\* Presten Melchior Augustinussøn, res.kapellan, sidan sokneprest i Meldal, er den fyrste som hev umsett alle fire bøkene av "Den sande Christendom" (fraa tysk) 1673 (ell. 1678), og deretter tri andre av Arndts skrifter (fraa hollandsk), men dei kom ikkje ut i prenten, og dei siste brann i Trondheim 1681.<sup>7)</sup>

#### Noter til Müller, Lassenius, etc.

- 1) And. LIX-LX.
- 2) DBL X, 122.
- 3) Allg. D. Biogr. XXVII, 48.
- 4) NBL 20.21.26.

- 5) Jfr. Khs. 5.II, 367-8. D. Saml. IV, 104.
- 6) DBL VIII, 277.
- 7) Ehr.-M. I, 126.

### Avslutning.

Mot slutten av 1600talet fyreligg det soleis paa dansk (i Danmark og Noreg) ein rik og verdfull oppbyggingslitteratur som opna nye kjeldor for fromheitslivet. Den gamle stive rett-trunaden er langt paa veg til aa mykjast upp, - eit sterkt kjenslemoment er kome til, og det er reist krav um personlegt aalvor som vilkaar for den ekte frelsande gudsfrykt, - der er vekkt traad etter forening med Gud, ein lengt etter himmelen burt fraa det faafenge liv i verdi. Men framfor alt er det kjærleiken som skal vera grunnlaget for livet i Gud, baade naar det gjeld anger og tru, og den religiøse inderlegdomen samlar seg i Jesus-kjærleiken, som stadig sterkare dveler ved lidingi og søker trøyst og sjelekvile der.



Trolldom I

Christian V.s Danske og Norske Lover av 1683/87 inneheld eit kapitel "om vildfarende Lære, Guds Bespottelse og Troldom". Kapitelet staar i 6te bok "om Misgjerninger", og der er sett strenge straffer for alle dei tri misgjerningar kapitlet umhandlar, men serleg for trolldom. Fyresegnene er desse:

9. Befindis nogen Troldmand eller Troldquinde at have forsoret Gud og sin hellige Daab<sup>1</sup>, og Christendom og hengivet sig til Diævelen, den bør levendis at kastis paa Ilden og opbrændis.

10. Hvo som bruger nogen galne indbildede Konster med Forsæt at vilde forgiøre og skade<sup>2</sup> en anden, have sin Hovedlod forbrut; Og er det Mands person, da straffis hand med Jern og Arbeid paa Bremerholm, eller andet saadant Sted, sin Livs Tid; Er det Qvindeis Person, straffes iligemaade i Spindehuset.

11. End bryde de ud, eller bortløbe, straffis paa deris Liv, om de kand antreffis.

12. Dersom nogen befindis med Signen, Manen, Maalen, Igienvisning, visse Dages Udvalgelse<sup>3</sup>, Chavacterers<sup>4</sup> Misbrug, at omgaais, og i saadanne mistankte Konster kyndige og forfarne at være, og dem øve og bruge, da skulle de have forbrut deris Boeslod, og rømme Kongens Riger og Lande.

13. De Folk, som ere saadanne Folkis Medvidere,<sup>5</sup> og deris Raad og Konster til sig, eller andre, bruge,<sup>6</sup> eller bruge lade, skulle første gang staa aabebare Skrifte, og gøve til næste Hospital to tusinde Lod Sølv, om de Middell dertil have, ellers efter deris yderste Formue. Befindis nogen anden Gang i samme Forseelse, da straffis den ligesom de, der saadan Ugudelighed og Daarskab øve.

Desse lovfysesegner hev si rot dels i lovgivingi um trollfolk i millomalderen, dels i kongebød som er utferda etter reforma-sjonen, serleg paa 1600talet.

Um trolldom inneheldt dei kristne norske lovene i millomalderen straffe-bød.<sup>7</sup>

1) aa øva trolldom for aa skada<sup>8</sup> andre, var ubotarmaal, og trollkonor skulde avlivast,

2) aa øva trolldom for aa gagna seg sjølv eller andre vart straffa med utlægð og eigedomstap,

3) aa vera trollkunnig utan aa øva trolldom medførte utlægð,

4) aa lata trollkvinnor øva trollkunster for seg hadde fred-

løysa eller største pengebot til fylgja,

5) for aa ha trolldoms-greidor i huset var det ei mindre pengebot.

Trolldom for aa sakada andre var i det heidne germ. samfund ei skjenslegjerning. Daudestraff i eit slikt tilfelle hadde ikkje noko aa gjera med skræming eller attgjelding. Daudestraffi var naudsynleg for utrydja dei umenneskje som hadde gjort seg skuldige i ei sovori skjenslegjerning. Utryddingi var ogso naudsynleg for aa avvende vreiden aat gudane over slikt udaadsverk.<sup>9</sup>

I kristendomen var trolldomen ei krenkjing av Guds majestet<sup>10</sup>, og fortente hans vreide. Difor vart trollfolk utskilt av det kristne samfundet anten ved avliving eller ved landsforvisning.

Me kjenner ei einaste trolldoms-sak fraa Noreg i millomalderen, mot Ragnhild tregagaas i Fusa sogn i Sunnhordaland 1325.<sup>11</sup> Ho vedgjekk at ho hadde sagt seg av med Guds vern og gjeve seg til djevelen for aa saa hat og usemje millom tvo ektefolk, og ho freista aa gjera deim mein ned galde. Ho angra seg og tilstod og vart idømt kyrkjeleg pønitenz av biskop Arnfinn i Bergen. Dermed slapp ho verdsleg straff.<sup>12</sup>

I denne trolldomsprosessen vart trolldomen jamstelt med hæresi. Yverskrifti i Bergens biskops kopibok lyder: um ei som var falli i hæresi. Dette er vanleg europeisk tankegang. Den kyrkjelege inkvisisjonen som vart innretta paa 1200talet, mot kjettarskapen, vendte seg ogso mot trolldomen. Baae vart heldne for fraafall fraa Gud til vonde andar, og dei reknast for dubbelt straffverdige - vitande og vilje.<sup>13</sup> Det er den same tanke som ligg til grunn, naar Chr. V.s lover framleides jamsteller villfarende læra og trolldom. Ved aa uppsøkja og straffa trollfolk som kjettarar kom inkvisisjonen igr. meir til aa utbreida og styrkja ovtrui enn aa motarbeida henne.

Næstan alle slags magiske kunster vart rekna for kjettarskap og dregne for inkvisisjonsdomstolane. Den gjeldande læra, at magi og hæresi høyrde saman, vart stadfesta av pave Innocentius VIII i bulla Summis disederantes affectibus, 5. desember 1484, som galt inkvisisjonen i større delen av Tyskland.<sup>14</sup>

I dei fleste europeiske land var det dominikanarane som leida inkvisisjonen. I Norden var det minoritane som fekk denne

uppgaava paa 1400talet.<sup>15</sup> Men i instruksen for dei nordiske kjettarinkvisitorane er det ikkje noko sagt um trollfolk (malefici). Og fraa Noreg er ingen kjettarprosess for trolldom kjent fraa den katolske tid sidan Ragnhild tregagaas.

Reformasjonen vendte seg ikkje mot den kyrkjelege læra um trolldomen. Reformatorane sjølve delte heksetruie og heldt trolldomen for verkeleg like som alle andre i samtidi gjorde. Luther og Melanchthon gjer ikkje noko undantak. Av Luther hev me talrike umsegner, fraa utleggingji av dekalogen i 1518 til bordtalane i 1590.

Med sin trolldom kann heksene - segjer L. - gjera folk blinde, lamme, halte, sjuke, ja taka livet av deim. Dei kann vekkja uver, øydeleggja grøda, tyna feet, stela smør og mjølk or huset. Dei kann forgjeva barn, og byta deim burt. Dei kann rida paa kostar eller bukkar eller kappor gjenom lufti.

I kommentaren til Galaterbrevet 1531 forklaasar han at trolldom og hekseri er djevelens egne gjerningar. Dermed kann han gjera folk skade og jamvel taka deim av dage; "Me er alle med liv og gods underkasta djevelen som gjester i denne verdi, som han sjølv er fyrste og Gud for. Difor er det brød me et, den drykk me drikk, dei klæde me ber, ja den luft me andar, og alt som uppeheld vaart lekamlege liv, under hans herredøme".

Til dei som syndar mot det fyrste bodordet reknar Luther i si store katekisma 1529 ogso slike som "gjer samband med djevelen, for at han skal gjeva deim pengar, hjelpa deim til aa faa den dei elsker, taka vare paa deira fe, skaffa deim tapte ting tilbake osv., som trollfolk og svartekunstnærar gjer.

Moselovi segjer (Exod. 22, 18): Ei trollkvinna skal du ikkje lata leva. Luther uttala seg um dette mosaikse paabod i 1526 i preikar nedskrivne av Bugenhagen; og gjer det gjeldande for si tids hekser: *Varie nocent, ergo occidantur, non solum quia nocent, sed etiam quia commercia habent cum Satana.*<sup>16</sup> Dei gjer mange slags skade, difor bør dei drepast, - ikkje berre fordi dei gjer skade, men ogso fordi dei hev samkvem med Satan.

I ein bordtale 1538 sa dr. Martinus um hekser og trollkvinnor som stel egg og mjølk og smør med sine kunster: "Med slike skal ein ikkje ha nokor miskunn. Eg vilde sjølv brenna dei, - etter Moselovi, som fortel at prestane tok til aa steina mis-

gjerningsmenn".<sup>17</sup> - Og i ein annan bortale 1540: "Trolldom er eit skadelegt og grulegt fraafall; naar nokon gjev seg ifraa Gud, som han er lova og svoren til, og til djevelen som er Guds fiende, daa bør han retteleg straffast paa lekam og liv."<sup>18</sup>

Fyrestellingane um at heksene reist<sup>e</sup>i lufti paa kostar og bukkar, fekk stor utbreiding og autoritet gjennom bønebok og kyrkjeostilla, baae av 1522. Til aa festa trui paa pakt med djevelen verka hans store katekisma. Og hans krav um dødstraff over trollfolk vart kjent gjennom bordtalerne, som vart offentleggjort i 1566.

Keisar Karl V.s straffelov for det tyskromerske rike 1532 (& 109) sette dødsstraff paa baalet for trolldom som gjorde skade, men trolldom som ikkje valda skade skulde straffast etter skyn.

Luther hadde teke til orde for at all trolldom skulde straffast med døden utan umsyn til anten det vart gjort skade dermed eller ei. Hans meining fekk tilslutning av juristane ved universitetet i Wittenberg, og den nye kriminalordning for Sachsen, som etter deira raad vart utferda av kurfyrst August i 1572, fyreskreiv, at "um nokon gløymer si kristne tru og gjer samband med djevelen eller hev umgang eller noko aa gjera med honom, so skal denne person ogso um ho ikkje gjer skade imot nokon med sin trolldom, dømast og straffast med eld fraa livet til døden."<sup>19</sup> -

Den som utan slikt samband gjer skade med trolldom, skal straffast med sverdet, likeins den som gjer spaadom ned djevlskunst.

Denne skjerping av straffi for trolldom vart uppteki i andre lands lover, i Kurpfalz i 1582, sidan i Preussen.

Same oppfatning som hjaa Luther, at Moselovi framleides galdt for trolldom, møter me ogso hjaa dei schweiziske reformatorane-Zwinglis disipel Heinrich Bullinger i Zürich<sup>20</sup>, og Johan Calvin og Theodor Beza i Genf.<sup>21</sup>

Soleis kom protestatane til aa driva paa med hekseforfylgjingane like ofseleg og vedhaldande som katolikane; ja verre enndaa. Andsvaret for dette fell paa dei fyrstelege verneherrane for reformasjonene og deira verdslege raadgjevarar, meir paa deim enn paa teologane, Hekseprosessene, som i katolske land laag under den kyrkjelege inkvisisjonen, vart i dei protestantiske land sekularisert, overdregen til verdslege dommarar. Men i alle konfesjonar heldt teologane hardt paa heksetrui.

Den stilling som protestantiske teologar og juristar tok til trolldomen, er ikkje aa forklaara som ein papistisk arv dei ikkje hadde kunna frigjera seg fraa. Nei, den protestantiske strenge oppfatning av trolldomen er bygt paa bibelsk grunnlag. Sine straffefyresegner motiverte dei ut fraa Moselovi, som framleides vert rekna for gjeldande paa dette punkt. Det er den Heilage Skrift som krev dødstraff over trollkvinnor. At hekseprosessane fekk slik stor makt paa protestantisk grunn, er eit utslag av biblicisme, ein skugge som fylgjer skriftortodoksien.

Fyrestellingi um trolldomen som verkeleg hev først og fremst si kjelda i eldgamal folketru. Men ho knyter seg naturleg til den kristne tanken um djevelen.<sup>22</sup> Luther trudde fullt og fast paa djevelen og hans makt, og stod i ein stadig kamp med honom, Luther segjer at djevelen er menneskja nærmare enn baade skjorta og skinnet. All ulukka kjem fraa djevelen og er djevleverk. Djevelen er Guds "Henker, durch welchen er seine Strafe und Zorn ausgerichtet". Trui paa djevelen gaar inn i Luthers katekisma (forkl. til 2 art. og til 3. og 6. bøn i Fadervaar). Djevelen, verdi og vaart kjøt freistar oss og hindrar Guds rike fraa aa koma - men Jesus Kristus hev løyst oss fraa makti aat djevelen med sitt blod og sin død. Luthers salme "Vaar Gud han er so fast ei borg" er framfor alt ein kampsong mot vaar gamle fiende djevelen, denne verdens fyrste, og Krist gaar fyre i striden.

Det nye ved Luther<sup>s</sup> stilling til djevleskapen er at han kastar vrak paa alle dei kyrkjelege katolske sakramentale verneraader imot det vonde - benediksjonane, signingane. Hans hovudargument var, at dei ikkje hadde Guds befaling.<sup>23</sup> Han hevdar, at dei skriv seg fraa djevelen. Grensene millom dei kyrkjelege benediksjonane og dei folkelege magiske tryllekunster vert utsletta, og baae vert slaatt saman og forkasta som trolldom og misbruk av Guds namn - jfr. forkl. til 2dre bodordet (bei seinem Namen nicht zaubern).

I ei av sine preikor segjer Luther: "Kvart barn som kjem til verdi, er født i djevelens rike", og fyrst ved daapen "maa djevelen vika og fara ut".<sup>24</sup> Og i døypeboki uttalar Luther (i Pallasdius's umsetjing) "at barnet er med djevelen besæt, oc syndens oc wredens barn".<sup>25</sup> Difor heldt Luther fast ved det katolske daapsritual, med exorsisme - djevleutdriving - fyre daapen, og abrenuntiasjon - djevlefraasegging - ved døpefonten.

Exorcismen vart forkasta av kalvinistane og var emne for sterk kritikk ogso fraa lutheranarar, som stelte exorcismen paa lina med trolldom. Dei rettruande lutheranarar derimot heldt paa exorcismen som skriftmessig, og Justus Menius, superintendent i Eisenach, skreiv ei forsvarsskrift for exorcismen, trykt i Wittenberg 1551, der han gjorde skarp skilnad millom exorcismen som ei "guddommelig gjerning" og "trolldfolks djevles gjerning" som ikkje hev Guds befaling og lovnad, sjølv um hu vert gjord med Guds namn og med ord av den Heilage Skrift.<sup>26</sup>

Den gamle kyrkja nytta exorcismen ikkje berre ved daapen. Men ogso naar folk var forgjort av djevelen ("besatte"). Det var vanlegt aa rekna djevelen for orsak til fenomen som me no kallar sinns- eller nervesjukdomar. Der var utforma serlege kyrkjelege ritual for aa driva ut vonde andar, med faste, bøn, vigjevattn, salving med olje, kross, paakalling av Guds namn og dei heilage.<sup>27</sup>

Djevleutdriving kunde reformatorane ikkje koma forbi. Freistnader paa aa driva ut djevelen vart gjort baade av Luther<sup>28</sup> og Bugenhagen<sup>29</sup> og andre. Men dei forenkla framgangmaaten. Me skal og kann ikkje - segjer Luther - driva ut djevelen med visse ceremoniar, soleis som Profetane, Christus og Apostlane i si tid gjorde.<sup>30</sup> Det skal skje aaleine med bøn i Christi namn, i tillit til Christi lovnad i Joh. 16,23. - Ein av Luthers næraste vener og medarbeidarar, Friedrich Myconius, superintendent i Gotha, + 1546, utarbeide ei rettleiding "Wie man mit besessenen handeln soll"<sup>31</sup>.

Naar det gjeld trui paa djevelen og hans makt i menneskelivet, veik den danske reformasjonen ikkje av fraa den tyske lutherdomen.<sup>32</sup>

Daapen vart utført etter Luther<sup>s</sup> døypebok, med exorcisme og abrenuntiasjon. Far her ud, du urene aand, og giv den hellig aand rum.

Annamme det hellige korsess betegnelse, baade paa dit andlede og bryst.

Jeg besverger dig, du urene aand, i navn Faders og Søns og Helligaands, at du udfarer og viger fraa denne Jesu Christi tjenere.

Forsager du djevelen og alle hans gjerninger og alle hans væsen?

Peder Palladius umsette Justus Menius's forsvarsskrift um exorcismen, at den ikke bør at fordømmes som en troldoms vederstyggelighed, men maa haldis med Gud og god samvittighed udi den sedvanlig handel hos daaben (utrykt).<sup>33</sup>

Med besettelse stod baade lækfolk og prestar oppraadde, daa den katolske djevlebesverging fall burt, utan at kyrkjeordinansen gav nokor rettleiding um korleis slike tilfelle skulde handsamast. "De papistiske troldmanere ere ikke uden djevvelsens gekke", segjer Palladius, og formaadde berre driva ut djevelen or lekamen, ikkje aa fri sjeli fraa hans makt. Mange kom til Palladius og bad honom paa embets vegner "tilstede at de maatte opsøge dem en trollmanere, som kunde og vilde mane trolden av den som de baade for". Palladius samtykte i at dei kunde søkja hjelp hos nokon som vilde tena deim i slik naud, paa det vilkaar at prosten fyrst skulde lesa og godkjenna dei ord han vilde bruka. Men ingen slik trollmanar gav seg tilkjenne, og prestene visste ingen annan maate aa tena folk med enn ei "fastendes bøn", etter Christi eksempel. Difor skreiv Palladius i 1547 "en undervisning, hvorledis der kan handlis med dem som ere besette".<sup>34</sup> Den "rette besettelse" kunde ein kjenne paa det, at den sjuke ikkje formaadde sanna si tru og lesa upp sin kristne barnelærdom. For aa driva den vonde ut, skulde presten lesa over den sjuke ei rekkja stykke av det Nye Testamente, or evangelia og brevi, som handlar um djevelen og djevleutdrivingar, og tilsist bruka exorceismen i daapsritualet og lata den sjuke lesa fadervaar, og dei nærverande gjera forbøn for honom. - Presten skulde taka seg i vare for "al ugudelig handel som man brugede udi pavedommet", men det var ikkje forbode aa tala til denne verdsens fyrste paa hebraisk, sosant ein sjølv forstod det : Zeze Behemoth bischeme adonas' (Zeze av nyhebr. aa fjerne seg).

I Danmark fekk troldomstrui og forfylggingi av trollfolk nytt liv ved reformasjonen. Dr. Johannes Bugenhagen, som leida reformasjonsverket der, var ei tilhengjar av den krassaste djevletru, og Sjællands fyrste superintendent dr. Peder Palladius var ein læresvein av Luther.

I si visitasbok 1543 skriv Palladius:<sup>35</sup> "Du maat ikke til med nogen troldkvinde, di faa nu deris rette løn, de kunde nu ikke lenger bare dem udi denne klare evangeliis ljus og dag, di faa nu en verdsenes skam av verden med dem, det er og deris fortjente løn. Di brende jo en hob tilforne av dem udi Malmø,

udi Kjøge, og andersteds, og hører vi til, at der sidder atter en hob greben i Malmø og skulle brendes.

Udi Jutland og Smaalandene er de udi jakt efter dem som efter ulve, saa der blev nu nyligen greben og brend paa Alse fyrretive (52), de ene røber den anden, saa de følles<sup>36</sup> hen ad til hin verden".

Det skjer ikkje gjerne med gudfryktige folk, at dei får skade av trollkvinnor, segjer Palladius. Det skjer berre med ugudfryktige folk, som set trui til deim. Difor skal ein ikkje vera rædd deim.

Det er eit uhuglegt tidsbilæte Palladius her rullar upp. Faa aar etter at reformasjonen er innført logar heksebaali over heile Danmark.

Det fyrste tilfelle me veit um fraa dokument, er at tvo kvinnor i Skage paa Møen vart brent for trolldom i 1540. Baae aatte hus i byen; husi tilfall kongen, som gav dei burt til sine menn,<sup>37</sup>

Peder Palladius nemner trollkvinnor som daa sat i fengsel i Malmø og skulde brennast. Rettsaktene um denne trolldomssak er enno til, og viser at ho ogso galdt trollkvinnor i Kjøpenhamn og tri prestar, 1543-44. Saki var so mykje meir aalvorleg som tiltalen gjekk ut paa, at desse folk hadde freista aa forgjera Kongeleg Majestets eigen person og Hans Naades skip; den kgl. floten laag seglferdig i Øresund for aa fara til Noregs kyster og jaga burt hollandske fribyttarar. Ved forhøyret vart det nytta tortur, - ogso ein av prestane maatte paa pinebenken. Domen er ukjend.<sup>38</sup>

Trollkvinnorne i Kjøge, som Palladius umtalar, hadde ein mannleg medarbeidar som i 1545 vart svoren skuldig i trolldom og vart pint og tilstod at han saman med dei tvo trollkvinnorne hadde forgjort ein mann som ikkje vilde hava hans broderdotter til ekte; han hadde bl.a. brukt "nogle ord og lesning paa latine som han havde i en bog."<sup>39</sup>

Fraa dei fylgjande aar kjennar me ei lang rekkja danske trolldomssaker mot personar som endgaa paa baalet,

1548: Pont. Ann. III, 302

1549: D. Mag. 3. I, 323-33.

1560-70: Troels Lund VI, 48, - 7 saker.

1567: Skand. Litt. Selsk. Par. XX, 5.

1572: Grønlund, Hist. Efterr. om Hexeri i Ribe, Saml. t. jydsk Hist. og Topogr. 3. III, 271.



1573: Pont. Ann. III, 436. Gl. d. Domme III nr. 81. Soleis i tiaaret 1560-70 sju proressar i ymse landsluter; fleire trollfolk hadde forgjort høgstaaande personar, og andre hadde forgjort kongens skipsflote igjen søm i 1566 stranda ved Gotland.

Serleg merkeleg er ei sak som gjekk i 1573-74 mot ein prest paa Sjælland, hr. Jakob Anderssøn i Hjørlunde, som vart skulda for aa ha "udi lang tid brugt megen utilbørlig og uchristelig handel med signelser, trolldom og andet, som er imod Gud og den geistlige ordinants, den kristne Kirke til stor Forargelse". Hr. J. vart ofte aatvara, serleg av sin prost, mester Hans Thomissøn (den navngjetne salmebokutgjevaren), som tilslutt fekk han avsett paa Roskilde landemode. Presten klaga si sak for kongen, men universitetet stadfesta domen; han slapp med klosterfengsel i Sorø. Det er sannsynlegt at hans "trylleri og Guds ords vanbrug" var papisme - han hev vel utført signing og djevelutdriving med katolske formularar.<sup>40</sup>

Ved universitetet tok den teologiske professor Nils Hemmingsøn trolldomen fyre seg i ein disputas 1569: Assertiones contra magicam incantationem et sacrilegam adiurationem Diabolorum et aliarum creaturarum.<sup>41</sup> Og i 1575 utgav han ei heil bok mot ovtrui, sannsynlegvis med tilføre av hr. Jakob Anderssøns sak: Admonitio de superstitionibus magicis vitandis<sup>42</sup>, som vart umsett til tysk (Wittenberg 1586) og til dansk under titelen: En undervisning af den Hellige Skrift, hvad man dømme skal om den store og gruelige Guds bespottelse, som skeer med trolldom, si(g)nelse, manelse og anden sgadan Gudshellige navns og ords vanbrug.<sup>43</sup>

Nokor ny serleg lovfyresegn um rettargangen i trolldomssaker vart ikkje gjevi ved reformasjonen i Danmark. I millomalderen vart visse kyrkjelege kriminalsaker granske av sokalla kyrkjemennder, d.e. tolvmannsnemnder i kyrkjesoknene. Etter Jyske lov skulde ogso trolldom fyrehavast for kyrkjenemdi.<sup>44</sup> Etter reformasjonen var det - som domspraksis viser - for det meste kyrkjemenndene som avgjorde skuldspursmaalet i trolldomssaker, men slike saker kunde ogso verta fyrehavde ved heradsnemndene som var tilsvarande nemnder for verdslege brot.

Det hendte daa tidt og ofte i trolldomssaker, at folk uskuldig vart svorne til elden av kyrkjemennderne, og straks tekne av dage.

Difor i 1576 gjorde Fr. II den reform, at den endelege dom i trolldomssaker skulde fellast av landstinget, og ingen avlivast fyrr slik dom var sagd.<sup>45</sup>

Det ser ikkje ut til, at det etter denne tid vart færre trolldomssaker i Danmark; heksebaali vart tendt like ofte som fyrr.<sup>46</sup> Soleis vart det i Ribe i aari 1572-1652 brent trettan trollkvinnor.<sup>47</sup> I 1589 brende dei tretten i Kjøpenhamn, i 1612 fire i Kjøge osv.

I Noreg kjenner me berre faa trolldomssaker i den fyrste menneskealder etter reformasjonen. (Bergen 1539, Bang). Mester Absolon Pederssøn umtalar i si dagbok som umfatar 20 aar fraa 1552 - 1572, berre tvo trolldomssaker i Bergen.<sup>48</sup>

Den eldste norske rettsprotokoll som eksisterar, Nils Stubs uppteikningar fraa Oslo lagting 1572-80, viser, at der i desse 8 aar var 11 trolldomsaker fyre ved lagtinget (sjaa reg. under Trolldom).

Trolldomssaker i Noreg vart ogso etter ref. paadømt etter kristenretten. Av dei nemde 11 trolldomssakene ved Oslo lagting endte 5 med straffedom, men det vart ikkje felte strengare domar enn utlægd (fredløysa, landsforvisning).<sup>49</sup> Dei trolldomskunster som det vart klaga over, var slike som: aa take manndomen fraa ein kar (s. 39), aa venda ein manns hug til ei kvinna (s. 160), aa forgjeva fe (s. 50), aa fjettra (s. 73).

Den strengare danske praksis med dødstraff paa baalet, vart no ogso innført i Noreg. Den danske adelsmannen Erik Munk, som var lensherre i Bratsberg 1572-75, let fleire trollkvinnor brenna i Skien,<sup>50</sup> det er det fyrste tilfelle me no kjenner til. Sidan 1580-aari er døden den vanlege straff for grov trolldom i Noreg.

I 1581 stod ein signekar fraa Gånd i Rogaland fyre domkapitlet i Stavanger og var overhøyrd i sin barnelærdom; den kunde han ikkje, "men mange forfengelig lesning, fabel og munkedikt og drømme for ikt, hold, troll og annet saadant kunde han merkelig vel opregne". Han bad um naade, stod openberr skrifte og forplikta seg under livs straff til adri aa gjera slikt meir.<sup>51</sup>

I 1584 forhøyrde Stavangerkapitlet fleire trollkunnige personer som lagmannen i Stavanger hadde henta for aa hjelpa hans hustru, som var sjuk og forgjord, med sine kunster. Ein av desse var ein

mann fraa Time, ein "forfengelig drømmer", som reciterede hans forfengelig lesning mod ikt, udbor, skerve, trolle som elsker mennisjen, sødreve, fossegrim, høgeboer, fjeldtrolle, tomtkall, neblinger, det er kirketrolle"; han hadde og skore fem blodige krossar paa kroppen til den sjuke: - Han stod skrifte og gjorde ein liknande lovnad som den fyrrnemne mannen.

Denne sak gav støyten til, at kongen i 1584 sette livsstraff utan all naade ikkje berre for aa gjera slike kunster til aa gagne med, men ogso for aa søkja og bruka deim, for det var ein "stor kristelig utilbørlighed", aa nytta sovorne raader med "Guds hellige navns og ords misbrug". Kongebrevet galdt Bergens og Stavangers stift. I 1593 vart straffebodet kunngjort over heile landet.<sup>52</sup> Og i 1609 utvida kongen kampen mot trolldomen til Finmark, der han serleg gjekk i svang blandt finnar og lappar. Dei som sjølve brukte trolldom, skulde avlivast; dei som kunde kunsti utan aa nytta ho utvisast av Finmark og Norland.<sup>53</sup>

I Bergen vart heksebaal tendt i 1580-aari. Daa vart fyrst Marine i Halldorsgard brennt "for hendis misgjerninger"<sup>54</sup>, og siden Mumpe-Guron, som gjorde vind.<sup>55</sup> - Stor uppsikt vekte det, daa lagmann og borgarmeister og raad i Bergen i 1590 dømte mester Absalon Pederssøns enkja, Anne Pederdotter til baalet. Tvo av prestene i Bergen, som hevda at Anne var uskuldig, gjekk i forbøn for henne hjaa den danske lensherren paa Bergenhus, hr. Peder Thott, og bad honom fritaka henne for denne urettferdige straff. Men hr. Peder Thott var ubøyeleg, og Anne Pedersdotter var brent levande utanfyre byen. Det vart sagt at dei tvo prestane song salmar saman med henne, og ved baalet tok dei til orde og ropa at ho var uskuldig, og mælte imot domen.

Saki vekte stor "Trætte og had" millom domarane og presteskapet i byen, og fekk eit rettslegt etterspel.<sup>56</sup>

I dei fylgjande 4 aar var det ikkje mindre enn fem store trolldomssaker uppe i Bergen; Olav Gausdal vart i 1592 "som en obenbar trolldkarl" dømt til dødem etter kristenretten, i 1594 vart ei trollkona forvist fraa byen og stiftet, og tvo andre vart brent paa Nordnes.

Olav Gausdal skulda ogso bispinna Foss, Marine Robertsdotter, for aa ha gjort svartekunster saman med honom. Lensherren hr. Peder Thott freista aa faa henne innvikla i trolldomssaki, og biskopen hadde den største møda med aa forsvara si hustru og faa

henne frelst fraa baalet.<sup>57</sup>

Desse rettssakene viser ei faarleg sida ved hekseprosessane, nemleg at trollfolk for retten kunde nemna andre personar som medskuldige og dermed kasta mistanke over heiderlege menneskje; og det var alt anna enn spøk i den tid aa verta skulda for trolldom. I Stavanger levde ei fornem og rik dame, Barbara Trondsdotter, av bondeadelssett fra Gudbrandsdalen, enkja etter lagmannen Martin Nilsson. Ho kom i yttarste faare i 1610, daa ei trollkvinna under pinlegt forhøyre "udi sin smerte og vildelse, formedelst adskillige spøragsmaal overilet," fann paa aa nemne fra Barbara som medskuldig i trolldom; nokre andre trollfolk, som vart brennt, oppgav kona til ein av borgarrane i Stavanger som trollkvinna. I si naud tok baae si tilflukt til Kongen, som paala lensherren i Stavanger taka seg av desse kvinnor, so det ikkje skjede deim urett.<sup>58</sup>

Kampen mot trolldomen, serleg signekunsterne heldt fram paa 1600talet.. "Dagleg forfarenhed giver tilkiende, heiter det, at nogle hemmelige konster, som ere signen, manen, maalen, characteres (= magiske teikn, kraaketar) eller maler (d.e. merke), vise igjen, visse dager udi ugen udvelelse, etc. fast gaar i svang og holdis for indifferent og uforbudne, av den aarsage at de formenis at komme mennisken og fe til gavn og helbrede." Folk rekna løynlege kunster som gjorde nytte og ingen skade, for aa vere tillatt.

Men Kongen og hans raadgjeverar var av ei onnor meining. Slike kunster var forbodne av Gud, fordi dei vendte folk burt fraa den "naturlige hjelp og medesin som Gud hadde forordna, til djevelen og løynlege, unaturlege raad og midlar. Guds ord vart innblanda og misbrukt i dess kunster, - dei var alle trollfolks fyrste alfabet, og et ret ophav og begyndelse til trolldoms onde ulykkelige idrett".

I sjølve jubelhundradaaret for den lutherske reformasjon, 1617, skreid kong Christian IV inn mot trolldomen med ei serleg forordning som nøyjare presiserte straffene.<sup>59</sup> Der vert gjort skil paa eigenleg trolldom og signekunster. "Rette trollfolk, som med djevelen sig bebundet haver", skal straffast etter lovi og recessen - dvs. med døden. Dei som innriktar seg med slike folk og "ved deres trolldom noget sig understaar at lade forrette" skal straffast paa deira hals utan naade, avlivast med sverd. For signekunster var straffi ikkje so streng. Dei som var "kyndige

og forfarne" i slike kunster og "dennem øve og bruke" skulde ha forbrote eiga og arv og røma kongens rike og land, men um dei var av adel, staa til rette for kongen og riksrådet. Slike folks medvitare, som deris og daad til sig og sine bruke eller bruke lader" skulde staa openbert skrifte og betala bot etter si formoga, adelsfolk 1000 daler til næraste hospital. Forsaag dei seg andre gong, venta livsstraff deim utan stands skilnad.

Desse straffebed vart upptekne i Christian IV's recess 1643 II.28.1-2., og sidan i Chr. V.s danske og norske lovbøker 1683 og 1687. Ny er her § 10, uttrykkelegt lovbed um skadetrolldom.

## II

Etter kongebodet av 1609 um trolldom i Finmark vart det ført ei lang rekkja trolldomsprosessar i denne landsluten.<sup>60</sup> Alt i 1611/12 var det brent ei kjering for trolldom i Honningsvaag.<sup>61</sup> Fraa 1620 av kann dei fleste saker fylgjast i justisprotokollane. Paa saktinget i Umgang 1620 dømte dei til baalet ei kvinna som stadig hadde samkvem ned djevelen og kasta vondt paa andre menneskje, ja valda at dei umkom paa sjøen.<sup>62</sup> Paa pinebenken vart ho tvunget til aa oppgjeva hva for andre trollkjeringar det fanst i Finmark. Dette hadde ei rekkja hekseprosessar til fylgje.

Paa tinget paa Vardøhus 1621 i nærver av den kgl. befalingsmannen var det framførd ei kvinna som hadde forsvore Gud og si daapspakt og lært trolldomskunst av djevelen; ho hadde ofte vore saman med andre trollkvinnor og valda dauden for fleire menneskje; ho tilstod det som var sagt um henne av sju hekser som var brende fyre henne, og ho vart sjølv dømd til baalet. - Same domen fekk seinare same aar ei onnor heks i Umgang, ho hadde mjølka andre folks fe, og gjort uver. - Paa Hamarfest vart det fellt tri daudedomar, over ei kvinna og tvo finnar; tvo av deim vart prøvde med vassprøva og flaut, den tridje tilstod likevel. Ein av finnane hadde forgjort presten paa Maaløy.

I 1624 i Hatvaag vart ei kvinna dømt til dauden for ho hadde undsaagt folk med trolldom. Sameleis ei 1625 paa Vardøhus.

I Vadsø 1626 vart ei kvinne skulda for aa ha paaført ei annor kvinna sjukdom, ho tilstod det og fortalte at ho pla fara paa heksestemnor; paa pinebenken utla ho seks av sine kjenningar som trollkvinnor, og i dei fylgjande aar fall dei som offer for

denne mistanken. - I 1626 vart det brent ei kona fraa Kjelvik som hadde paaført ei onnor kjering "indvortes ondt i hendes liv med adskillige sygdommer".<sup>63</sup> I 1627 i Hasvaag dømte dei ein finne til baalet fordi han hadde gjort uver so 5 mann forliste, og fordi han kunde gjera trolldom med runebomma.

I aari 1627-32 laut fleire hekser vandra til baalet; det var dei som vart oppgj<sup>V</sup>ene i Vadsø 1636, og andre som igjen vart oppgjevne av desse. I 1637/38 brente dei ein mann for trolldom paa Vardøhus.<sup>64</sup>

I 1652 paa Vadsø vart ei kvinna ~~dømt~~ til baalet for trolldom, og paa Vardøhus same aar tri kvinnor.

I 1653 paa Vardøhus otte kvinnor.

I 1654 tvo kvinnor, ei paa Vardøhus, ei i Kiberg.

I 1655 var tvo trollkvinnor for retten paa Vardøhus, men domen er ukjend.

I 1662 var fire kvinnor brent paa Vardøhus, og ei landsforvist i Kiberg.

I 1663 vart fjortan trollkvinnor ~~dømt~~ og brent paa Vardøhus.

I 1667 under lensherren Christopher Orning paa Vardøhus, vart fire trollkvinnor avliva. Ei kvinna fra Makkaur vart pint paa den maaten at dei kneip henne med gloande tener og hellte smelta svovel i saari; men ho vilde ikkje vedgaa; ho døydde i fengslet, og liket vart slengt under galga. Ei onnor døydde ogso i fengslet etter at ho var pint. Tvo vedgjekk, men kalla tilbake og vart levande brent; like til dei vart kasta paa baalet, paastod dei si uskuld og gav Gud si sjel.<sup>65</sup>

I 1678 var ei kvinna fyre retten paa Vadsø for trolldom; domen er ikkje til, men i ei trolldomssak aaret etter heiter det at ho vart brend.

I 1679 stod atter ei kvinna for retten paa Vadsø, skulda for trolldom; men daa saki syntest aa vera "noget for mørk og vildsom", vaaga underretten ikkje aa døma.

I 1689 var det ei trolldomssak fyre paa Vadsø, ei kvinna var skulda for trolldom, men ho vart frikjend.

I 1692 var ein hundradaarig svensk lapp fyre retten i Vadsø, klaga for trolldom med runebomma; men daa det var "en usædvanlig Casus", fann retten - etter samraad med antmann Hans Hansen Lilienschiold - det best aa setja upp saki, for aa faa "høi

øvrigheds betænkende" fraa Kjøbenhavn.

I Nordland fortel futerekneskapane fraa 1600talet jamnan um personar som vart avliva for trolldom:<sup>66</sup>

1615 i Salten ein finn,

" i Bodø ei kjering,

1619 i Lurøy ein mann landsforvist<sup>67</sup>

1620 i Gryllefjord ei finnekjering,

1621 paa Tromsø ei trollkvinna (brent),

1624 paa Tromsø tvo trollkvinnor,

1626 paa Helgeland ein trollmann,

1633 i Beiarn ei kvinna<sup>68</sup>

1636 i Senja ein mann som hadde forgjort barnet sitt,

1638 i Vesteraalen ein mann og kona hans for trolldom,

1638 på Andenes ein trollmann og kona hans,

1639 paa Tromsø tre finnar, brent,

1641 paa Helgeland tre personar, brent,

1647 paa Helgøy mann og kona,

1656 vart ei kona i Vaagan i Lofoten tiltalt for aa ha misbrukt altarsakramentet, og gjeve det til kreaturi sine. Ho vart frikjend av skrivaren, og domen stadfesta av lagmannen. I 1659 vart den same kona atter tiltalt for same sak og meir til, og denne gongen dømt av skrivaren til aa mista sitt hovud og forbryta sitt gods, men lagmannen frikjente henne iggjen. Kongen stadfesta lagmannsdomen 1664 og baud at ho skulde lauslatast or fengslet.<sup>69</sup>

Berre eit par trolldomssaker fra Nordland er kjent i den fylgjande tid.

I 1661 var ei trollkvinna avliva i Vesteraalen.

I 1690 vart ei gjenta i Borge som hadde forsvora seg til djevelen og hadde umgong med honom. Ho vart dømt til til kakstykning med ni slag med ris og forvist til Finmark.

Lensrekneskapene tor Trondheims len umtalar ikkje faa trolldoms-saker paa 1600talet.

I 1615 vart ei kjering fra Romsdal retta,<sup>70</sup>

I 1616 vart ein mann fraa Maraak halshoggen<sup>71</sup>

I 1621-22 tri personar avretta paa Nordmøre.

I 1626 ein landstrykar brent i Meldalen.

I 1640 vart ei kvinna retta i Trondheim,<sup>72</sup>

I 1645 ei kvinna brent i Stod,

I 1648 ei kvinna brent i Vikten,

- I 1649 ei kvinna halshoggi i Stod,  
 I 1650 ei kvinna brent paa Nordmøre,  
     ei landforvist i Fosen  
     ei retta i Opdal,  
 I 1652 ei brent paa Nordmøre,  
 I 1656 ei brent i Trøndelag,  
     ei brent i Trondheim,<sup>73</sup>  
     ei retta i Orkdal.

Mest kjent blandt alle hekseprosessar i Trøndelag er saki mot Lisbet Nupann fraa Leinstranda og Ola mannen hennar. Dei vart skulda for aa ha sett sjukdom paa eit par bondefolk i Tiller dei var uvener med. Dei hadde mange vitne imot seg, og presten kravde ogso at "saadant onde af menigheden maatte udryddes og borttagis". Lisbet vart dømt til baalet og Ola til aa halshoggast, 1670.<sup>74</sup>

Paa Sunnmøre var det i 1609 brent ei kjering og ein mann i Vanylven, 1614 retta<sup>d</sup> ei ei kjering i Sunnlyven.<sup>75</sup> Sidan veit me ikkje kunnskap um trolldomssaker paa Sunnmøre i næstan 50 aar.

Paa Sunnmøre vart ei kvinna fraa Dragesund i Herøy stemna for tinget i 1663 og skulda for trolldom, men daa dei ikkje fekk saki paa henne, vart ho utsett, og endelykti er ukjend.<sup>76</sup>

Men i 1663 vart ei trollkvinna fraa Bjørdal i Sunnlyven dømd for trolldom, ho vart halshoggi og kroppen brent.<sup>77</sup>

I 1680 dømte tinget paa Leikanger i Rovde ein gamal bondemann, Ingebrikt Lefsebjørn dei kalla, til baal og brand. Han vedgjekk sjølv, at Satan fyrste gong hadde møtt honom paa reisa til Bergen og hadde ført han tri gonger baklengs rundt Bremanger kyrkjegaard; der avsvor han sin daap og kristendom med gruelege ord; sidan tente han Satan som trummeslagar paa Dovrefjell, serleg ved dei tri store høgtidshelgene; naar han var til Guds bord, stakk han oblaten til seg for aa forgjeva kreatur med.<sup>78</sup>

Fraa Fjordane er nokre faa trolldomssaker kjende:<sup>79</sup>

1658 halshogg dei ei kvinna i Davik

16662 retta dei ei kvinna i Gjemmestad i Nordfjord og aaret etter brennte dei fem personar, tvo menn og tri kvinnor, i same bygdi.

I Bergen var det mange trolldomssaker paa 1600talet.

I 1606 prøvde futen paa Lysekloster tvo kvinnor som var skulda for trolldom, paa same maate som det er fyreskreve i dei



<sup>m</sup>gale norske lovene, - kasta dei i vatne for aa sjaa um dei kunde søkkja og dermed visa si uskuld. Den eine av desse kvinnor vart tvungi til aa oppgjeva andre trollkvinnor, blandt deim forneme borgarkvinnor i Bergen; paa vegen til rettarstaden tilbakekallte ho alt dette som lygn. Dei paarørande reiste rettsak mot futen, og lagmannen fekk paalegg fra kongen um aa døma i saki, men endelykti er ukjend.<sup>80</sup>

I 1613 vart tvo heksar brent, fordi dei hadde øydelagt mølla til borgarmeister<sup>t</sup>eren med flaum og skred og gjort mykje anna vondt.<sup>81</sup> I 1615 brente dei tvo trollkvinnor paa Nordnes: den eine av dei hadde kjøpt ei onnor kona til aa forgjera eit skip, som forliste paa veg til Holland med mange folk ombord; den kona som hadde forgjort skipet, vreid ~~h~~anden halsen um paa i fengslet.<sup>82</sup>

I 1627 vart ei kvinna (rimelegvis trollkvinna) halshoggi paa Nordnes og brent. Ho "bekjennte paa" ei onnor kvinna, som so vart pint; daa dei merkte ho var med barn, let dei henne sitja paa raadstova til ho var forløyst; guten vart burtsett til bønder, og mori halshoggi paa Nordnes og brent.<sup>83</sup>

I 1632 vart tvo kvinnor dømt for aa ha faatt skipet aat borgarmeisteren til aa forgaa. Etter domen vart den eine pint paa Bergenhus, um natti "blev hendes hals omdreijet i fængslet", og neste dag brente bøddelen liket paa Nordnes. Den andre vart halshoggi.<sup>84</sup> Under torturen oppgav den fyrstnemnde av desse kvinnor ei tridje kvinna, kona til byfuten i Bergen, som medskuldig. Saki kom for kongen, men byfuten og kona hans ottast det verste og rømte; kongen baud aa føra deim tilbake med makt. Det endte slik, at ho vart frikjend og klagarane maatte staa til rette, 1636.<sup>85</sup>

I 1633 var ein jungmann levande brend for trolldom. Han gjekk sjølv baklenges inn i elden.<sup>86</sup>

I 1634 var ei trollkvinna avretta paa Spitalskyrkjegaarden, og seinare gjekk det same vegen med Svarte-Hans, som var trollkar og hadde skaffa ein vanvitug skomakersvein forstanden tilbake.<sup>87</sup>

Den siste heksebrenning i Bergen var i 1664 (ikkje 1684<sup>88</sup>). Synnøve spaakona var "angiven for trolldom" - eller formedelst hendes spøgeri antastet" - Dei meinte ho var orsak til sjukdomen aat deim 14 aars gamall gut, som var plaga av bolor og saar og som kasta upp knappar, krøkedte naaler, avskjorne naglar osv.<sup>89</sup> Ho hengte seg i fengslet og vart brend paa Sydnes ved galga. Ved og tjøretunnor og never kosta 8 rdr. med køyring,

rakkaren fekk 4 rdr., og hennar halve boeslodd falt til kongen.<sup>90</sup>

I Stavanger var det fleire trolldomssaker i 1590-aari;<sup>91</sup> dei endte ikkje med baalet, men med utvisning, fraa byen, lenet, eller landet. Fram paa 1600talet vart det brent fleire folk for trolldom; dei oppgav atter andre, men desse berga seg.<sup>92</sup>

I 1622 var det ei stortrolldomssak som me hev aktene til<sup>93</sup>; det galdt kona til ein eldre vyrd borgar og handelsmann, ho hadde mange vitne imot seg, vart dømt fraa gods og liv og til straff paa baalet, tilstod paa pinebenken og vart brennt i Sandviki.

Fraa Rogalands tingbøker er det samla ei lang rekkja trolldomssaker.<sup>93b</sup> I 1623 vart ei gamall kona i Sokndal brent, avdi ho kunde trolldomskunst og hadde svore seg til djevelen.

Same aaret dømde dei ei onnor kvinna i Sokndal til baal og brand; ho hadde eit vondt ord paa seg og var namngjeti for trolldom. Saki gjekk for fleire rettar radt til 1629, men det ser ut til at ho døyde burt.

I 1633 brende dei ei trollkvinna paa Finnøy, ei onnor vart retta med sverd paa Herby, ei tridje vart halshoggi i Stavanger.

I 1635 var det uppe ei trolldomssak mot ei bondekjering i Hjelmeland; ho var vide kjend for si kunst, men det ser ut til at sake døyde burt.

I 1637 halshogg dei ei trollkvinna paa Karmøy.

I 1640 vart ein bonde i Suldal, ein velstandsmann, skulda for trolldom; det var presten som gjorde det fyrst, for prestkona fekk daudfødde born; han vart dømd til aa ha forbrote fe og fred.

I Nedstand 1641 vart ei bondekona dømd til danden for trolldom; presten og kona hans la sak imot henne for ho hadde forgjort ei av dei beste kyrne deira; ho vart halshoggi.

Ei onnor kvinna fraa Nedstand vart dømd for trolldom og halshoggi same aaret; ho var dotter til ein prest, hadde sjølv vore gift med ein prest, hadde ein bror som var prest, og ei syster som var gift med ein prest; denne presteætti hørde heime i Vikadal. Det verste ho gjorde var at ho misbrukte Herrgens nattverd; naar ho gjekk til altars, heldt ho vinen i munnen, sputta nan ut att i turkekluten sin og gnudde han paa augo, dette hadde ho lært av mor si.

I 1641 endte ei tridje trolldomssak mot ei kvinna i Hjelmeland

slik, at ho vart dømd fredlaus; aaret etter halshogg dei henne.

Ei fjerde sak fraa 1641, mot ei kona i Nedstrand som hadde faatt ord for aa vera trollkunnig, endte med frikjenning. Men ein namngjeten trollmann i Karmssundsbygdene vart brend i 1641.

Same aaret vart det avretta enndaa ein kar og eit kvinnfolk for trolldom, og i 1642 eit kvinnfolk til.

I 1648 vart ei kvinna paa Karmøy som var kjend vidt og breidt for trolldomen sin, dømd fredlaus.

I 1650 dømde dei ei kjering som for ikring i bygderne i Rogaland med signing og aatgjering, til aa mista sin hals.

Eit par folk fraa ein liten heidegaard i Eikersund sokn, som kunde ei mengd med signeraader, vart dømde i 1658 til aa røma landet, og kongen tok medelen.

I 1663 retta dei ei kjering fraa Jelsa for trolldom- Tvo andre kjeringar fraa same bygd i var for retten for trolldom same aaret; den eine vart landlyst, den andre slapp fri.

Ein mann fraa Sola sokn var hardt skulda for trolldom i 1670, men det kunde ikkje provast.

Ei gardmannsenkja i Skaare kom for retten for trolldom 1681, men vart frifunni.

I Haaland var det ei viskjering som hjelpte mange med signeraadene sine; presten fekk henne for retten, og ho vart dømd til aa røma landet, 1683; det kom sidan fleire ting upp um henne, og lagmannen dømde henne til halshogging 1684. Millom deim som hadde søkt raad hos henne, var frua til biskop Tausen i Stavanger. Men overhoffretten fann det ikkje prova at ho hadde forsvore daap og kristendom, ei heller at ho hadde gjort nokon skade med kunstene sine, men ho hadde nytta signelesingar og misbruka Guds heilage namn, og vart dømd til aa strukjast til kaken og sidan røma kongens rike og land (1685).

Fraa Vest-Agder er kunnskapene um trolldomssaker meir tilfellig.

I Vanse paa Lista brennte dei tri trollkjereringar i 1612;<sup>94</sup> ei var forvist i Farsund 1662, ei brent paa Lista 1667.

Tvo store trolldomsprosessar fyregjekk i den nye stiftstaden for Agder - Christiansand:

I 1650 var det tri kvinnfolk for retten i Christiansand for trolldom. Dei oppgav sju andre personar, ein mann og seks kvinnor, som trollfolk. Tvo av dei tri fyrstnemnde vedstod at dei hadde

gjeve seg i tenesta til djevelen og dermed skadd sin næste; dei vart brennt; korleis det gjekk med dei andre er ukjent.<sup>95</sup>

I 1670 vart presidenten i Christiansand helselaus paa ei ferd til Kjøpenhamn i byens ærend. Ei trollkjeriing tilstod aa ha forgjort presidenten; under rettsaki mot henne kom dei etter seks andre trollkvinnor; alle sju vart brent samtidig paa Nattvig-tangen utanfor Christiansand.<sup>96</sup>

I 1694 var det fyre ei trolldomssak i Bygland i Sætedal, men skrivaren vaaga ikkje aa segja dom og skaut saki til lagtinget, - endelykti er ukjend.<sup>97</sup>

Paa Austagder hev me inkje kjennskap til trolldomssaker, fraa Telemark og Grenland veit me berre um nokre faa:

I 1631 brente dei tri trollkvinnor i Skien

i 1661 ei i Skien,

i 1662 ei i Drangedal.<sup>98</sup>

Paa Austlandet viser lensrekneskapane at eit stort tal med trollfolk er vorte avliva i Christian IV's siste tretti aar baade kvinnor og menn, sume brent, sume retta.<sup>99</sup>

1618 tvo i Gausdal,

1619 ei i Skjedsmo, ein i Gausdal, fire i Fron,

1620 ei paa Hadeland, ei i Fron,

1621 fem i Løten, ei i Gudbrandsdalen,

1623 ei paa Toten,<sup>100</sup> ei i Eidskog, ei i Trøgstad, tvo i Sandherrad, tvo paa Vestfold, ei i Gudbrandsdalen,

1624 ei i Aker, ei i Trøgstad, ein i Enebakk, ein i Elverum, ei paa Eiker, ei i Tønsberg,

1625 ei i Elverum,

1626 tre paa Vestfold,

1627 ei i Lier,

1629 ei i Eidsberg, ei paa Eidsvoll,

1631 ei i Gudbrandsdalen,

1637 ei i Nes paa Romerike,

1643 tvo paa Eidsvoll.

Talet paa trolldomssaker gjekk sterkt ned i 1630-40-aari, og etter 1650 er dei relativt faa, og domane er mildare, i regelen landsforvisning.

I 1652 vart det dømt tvo, og i Gol i Hallingdal ei,<sup>101</sup>

i 1662 paa Toten ei,<sup>102</sup>

i 1666 i Vang paa Hedmark ei.<sup>103</sup>

I 1670 vart tre kvinnor i Rendalen i Øyterdalen tiltala fordi dei hadde forsvore seg til Satan, reist paa Blaakollen, forgjort fe osv. Underretten dømte deim til baal og brand- lagmannen stadfeste domen, men Overhofretten vaaga ikkje aa døma dei fraa livet, men frikjente deim, 1673.<sup>104</sup>

Det er fyrr umtalt ein prest i Danmark som dreiv med "signelser, trolldom og andet" (1573).<sup>105</sup> I 1611 vart ein prest i Jylland brent fordi han hadde kurert paa sjuke med skrivne trylleformularar, osv.<sup>106</sup>

I Noreg fanst det òg prestar som ikkje var fri for aa gjera noko liknande<sup>107</sup>. Ei gjente i Baahuslen hadde lært signekunsten av klokkaren og kl. av presten JN.

For Stavanger kapitel var i 1629 tiltalt tvo prestar, hr. Dagfinn og hr. Thomas Philipsøner, brødrar, medtenarar i ordet i Bjelland og Audnedal, for at dei hadde fare med "adsillige spøgeri, signekonster og deslige".<sup>108</sup> Hr. Dagfinn hadde vore sjuk og hadde bedt sin broder um noko godt raad mot veikskapen sin. Hr. Thomas hadde faatt uppskrive eit par signeformularar etter ein bonde i Bjelland som hadde ord for aa "fly bod" imot ymse sjukdomar, og desse hadde han sendt bror sin, og broren brukte deim, men trega paa det sidan. Hr. Dagfinn slapp med ei pengebot, hr. Thomas vart suspendert eit halvt aar.

I Herøy paa Sunnmøre var det ein dansk prest heitte Hans Jenssøn Sal, som vart avsett i 1651 av Bergens kapitel. Grunnane var mange, del embetsforsøming, dels andre synder.<sup>109</sup> Ei av orsakene skal og ha vore den, at han brukte trolldom<sup>110</sup>, men noko nærmare er ikkje kjent.

Folketradisjonen<sup>111</sup> veit aa fortelja um prestar som hadde gaatt nedgangsskulen, eller skulen i Wittenberg,<sup>112</sup> som han kallast, og kunde bruka Svarteboki. Desse høyrer ei nokoseinare tid til, slike som Petter Dass, sokneprest i Alstadhaug 1689-1708<sup>113</sup>, Thomas von Wetten, sokneprest i Veøy 1709-16<sup>114</sup>, Johan Crantz, sokneprest i Byneset 1721-51, Peder Strøm, sokneprest i Borund 1721-41, Hans Strøm, sokneprest i Volda 1764-78 og paa Eiker 1778-90, Christian Holst, sokneprest i Røken 1775-1824, Hans Jacob Stabel, sokneprest i Sør-Aurdal 1805-25, sidan paa Toten, Eidsvollsmann<sup>115</sup> og mange andre<sup>116</sup>.

Ingen av dei her nemde prestane hadde studert i Wittenberg. Tradisjonen peikar tilbake til eldre tid, daa det var vanlegt, eller meir vanlegt, aa fara til Luthers universitet ogso fraa Noreg. Og det hev visseleg vore prestar fyre Petter Dass, som hev havt det same gjetordet (doktor Faust).

Svartebøkene - handskrevne samlingar av magiske formularar - hev røtter som gjeng attende til millomalderen. Men i Noreg og Danmark hev ein type vore mykje utbreidd under titelen "Cypriamus"; den eldste av desse ber paaskrifti "Wittenberg 1607"<sup>117</sup> Solangt gjeng Wittenberg-tradisjonen attende. Men aa finna fram til nokon forfattar til Svarteboki eller Cypriamus-boki er faafengt, og det er vel og vanskeleg aa ettervisa at nokon prest - som folketrui sa - hev havt og brukt Svarteboki. Men at det var prestar som sjølve var fullt overtydde um, at trolldomen var verkeleg, er det ikkje vondt aa finna døme paa, eg minnar um prestane i Suldal 1640 og Nedstrand 1641.

Overtydingi um at trolldomen var verkeleg, var kome klaart til orde hjaa teologar og kyrkjemenn i reformasjonstidi, og fyrestellingi levde kraftig vidare gjennom heile 1600talet. Der var dei som i polemikk mot ovtrui kunde halda fram, at djevelens kunster er blendverk (Jørgen Dybvad, *Magica superstitionis vanitas et scelus*, disp. i Kbh. 1608, Ohrt I, 25f.), eller "Bedragerier" (J.D. Jersin, *Troens Kamp og Seier* 1636, Ohrt I, 26), og den store dogmatikaren Jesper Brochmand er noko inne paa det same (Ohrt I, 28 f.). Men biskop Hans Povelsson Resen<sup>118</sup> hev vel dei fleste prestar og teologar delt den folkelege fyrestelling um at trylleformlane var verkekraftige og at djevelens makt og sambandet med honom var reelt.

Ein typisk representant for den kyrkjelege ortodokse stilling til djevelen og hans vonde kunster blandt folk er nordmannen Johan Brunsmann, rektor paa Herulfsskolen skule paa Sjælland, sidan prest ved Vartov i Kjøbenhavn, f. 1637, d. 1707. I 1674 gav han ut ei skildring av ei merkeleg trolldomshistorie som hadde hendt i Danmark lenge fyre hans tid, men som no ved hans bok fekk ny og sterk aktualitet: "Et forførdeligt Hus-Kaars eller en sandfærdig Beretning om en gruelig Fristelse af Dievelen, som tvende fromme oc gudfryktige Æcte-Folck i Kiøge for nogen rum Tid siden hafver været plagede med". Det var i 1607-8, at djevelen eit heilt aar igjennom heimsøkte huset aat ein rik borgar i

Kiøge, i skapnad snart som ei høne, snart som ei padda, snart som ei brun rotta; mange underlege ting hendte, og historia hadde til fylgja ei stor trolldomssak som vara i sju aar og førte femtan kvinnor paa baalet.<sup>119</sup> Brunsmænd framstelte saki samvitsfullt etter akterne og var heilt overtydd um sanningi av alt som desse folk hadde upplevt. I nytt opplag 1684 tok han ogso med "atskil- lige andre Historier og Hændelser", bl.a. den siste trolldomssak i Bergen 1664 (tillegget trykt fyrst 1676, Ehr.-M.)<sup>120</sup> Brunmands bok vart mykje lesi og heldt seg som folkelesnad i tvohundrad aar; ho kom i 8 opplag, det siste 1870, og kom i 1690 aari baade paa tysk og latin, den latinske umsetjing i 3 opplag. Paa tri av dei fyrste danske utgaavor hadde forfatteren faatt godkjenning av universitets-censuren.<sup>121</sup>

Ved revisjonen av dei liturgiske bøker for gudstenesta og kyrkjelege handlingar vart det i Chr. V's kyrkjeritual 1685 uppteke eit nytt kapitel, som ikkje hadde havt noko tilsvarande i Kyrkjeordinansen, "om de besatte og dennem som i en eller anden maade plages af djevelen eller <sup>h</sup>ands onde redskab". Ritualet gaar ut i fraa at det framleides fyrekjem djevlebesettelser, um ikkje so ofte, og ein maa ikkje "holde det for fabel. drømme, melankoliske griller eller anden sindsens urolighed, ... og ikke tænke at vi nu ere aldeles fri for slige Sathans anfægtninger"; folk kann, segjer Ritualet, vera "legemlig besat af Djevelen", anten heile lekamen eller ein einskild lem; ein kann sjølv vera skuld i sitt tilstand, nemleg um ein hev inngaatt pakt med djevelen, eller um ein ved si gudløysa hev gjeve djevelen rom.

Det var den lekamlege besettelse av djevelen, som var opphavet til den største trolldomssak i baae rike paa heile 1600talet, i Thisted i Nord-Jylland 1696. Der var eit par gjentor, ei som leid av epilepsi; dei tydde til presten for aa faa hjelp, han hadde eit godt ord for lardom og gudsfrykt; han heitte Mester Ole Jenssøn Bjørn og var nordmann. Presten sa dei var besett av djevelen. Der kom fleire kvinnfolk som trudde det same um seg. Han tok dei upp i sitt hus, og med hjelp av eit par studentar prøvde han aa driva djevelen ut; han freista og med det i kyrkja. Dei besette oppgav andre som hadde paaført deim dette vonde ved trolldom; presten paastod at desse daa burde brennast, for aa undgaa Guds straff. Dette greip um seg som ein epidemi.

All sjukdom, alle ulukkor vart ført tilbake til same aarsak, trolldom, forgjering, besettelse. Biskopen let saki granska; det medisinske fakultet uttala at besettelsen var bedrageri. Ein kommisjon vart oppnemnd for aa døma; i 1697 dømte dei nokre av dei besette til dauden for gudspotting, lygn og bedrageri; presten vart dømt fraa kall og kjole og eiga. Men presten gav seg ikkje, han appellerte til høgsterett og innstemnde fleire tusund menneskje; han forsvara sjølv saki som vara i 13 vikor. I 1698 dømte høgsterett tre av kvinnorne til kakstryking og tukthus paa livstid, og skjerpa domen over presten med fengsel paa livstid. Neste aar slapp han med landsforvisning. Ei offisiell utgreiding um saki vart gjevi ut 1699 av professor Arni Magnusson; tankegangen som leida høgsterett var den, at djevlebesettelsen og trolldomen var medvite skrymt og bedrageri. Med denne "avsløring" var det for alltid gjort ende på hekseprosessane med pinebenk og baal i Danmark og Noreg.<sup>122</sup>

I andre halvti av 1600talet tek ein hos oss til aa merka eit visst umsving i synet paa trolldomen, nemleg i domane i trolldomssaker. Det hender at overdomstolane gjer um dødsdomar som er fellt av underdomstolane, og frikjenner den dømte (Vaagan i Lofoten 1659, Rendalen 1673), eller idømer ei mindre streng straff (Haaland 1685). Fyre 1650 høyrde dødstraff - paa baalet eller ved sverd - so og segja til dagens orden, naar det galdt trollfolk. Etter 1650 nøggjer domstolane seg oftare med utvisning eller andre mindre straffer. Siste gong baalet vart brukt som straff for trolldom i Noreg, var i 1680 paa Sunnmøre, daa Ingebrigt Lefsebjørn vart dømt. - Og siste halshoggingsdomen vart fellt i Rogaland 1684, men umgjord ved overdomstolen til landsforvisning.

Fraa slutten av 1670 aari tok underdomstolane til aa kjenna seg uvisse i trolldomssaker, og let vera aa segja dom, eller skaut saki fraa seg til sakkunnige eller til høgare domstol (Finmark 1679, 1692; Sætedal 1694).

Den same utvikling i domstolspraksis fyregaar i Danmark, - men, som det synest, noko seinare. Siste gongen, me veit at troll folk vart brennt i Danmark, var i 1693, daa tvo kvinnor fraa Falster vart dømt til baalet av Høgsterett.<sup>123</sup> - Høgsterettsdomen i Thisted i 1698 er det historiske vendepunktet.



Det kom upp ei ny trolldomssak ti aar etter paa Hindsholm paa Fyn. Tvo kvinnor var skulda for "kogleri og trolldom" og for aa ha forsvore daap og kristendom. Dei vart dømt av birkedomaren, men frikjent ved landstinget, til stor forarging for heile Hindsholm. "Fra denne Tid - skriv ein santidig - ophørte baade her og andensteds al Uro i Anledning af Trolddom; man forfulgte ikke længer Hexe".<sup>124</sup>

Fleire og fleire i daatidi - i dei siste 20-30 aar av 1600talet tok til aa forklaara seg trolldomskunster som bedrag, og besettelse som utslag av sjukleg tilstand, ja tvilte paa at djevelen var til. Med tilhøve av Thistedtsaki skreiv ein dansk prest i si dagbok 1698: "at nu i dette Seculo og i disse Tider findes mange ej aleneste blandt Statister, men endog iblandt andre og studerede Folk, Geistlige og Verdslige, som statuere, at der ingen Trolddoms Kunst, Troldfolk, legemlig Besættelse, ja Djævel og Helvede til. Andre gjøre det grovere og sige at (Christus) curerede ikkun naturlige Sygdomme, naar det staar (i det Nye Testamente) at han uddrev djævle. Nogle sige, at det er intet andet end Indbildninger, Tungvindighed og melancholisk Blod og mere som ikke kan her opregnes. Og endog de ere ikke alle lige grove i deres Ord og Tale, saa tror jeg dog, som en fattig simpel Idiot, at deres Mening, saa mange som de ere, kommer over eet og er bygget paa eet Fundamento, som er Atheismus og Sadducæismus".<sup>125</sup>

For aa gjera desse ateistar og sadducær til skamme var det at den namngjetne teologen professor Christian Kortholt i Kiel i 1684 oppmoda Johan Brunsmann til aa faa "Kjøge Hus-Kaars" umsett til latin eller eit aana maal.<sup>126</sup> Kortholt stod Spener nær, men var strengt ortodoks, ein motstandar baade av katolikar og deistar.<sup>127</sup>

I 1691-93 gjekk den nederlandske presten Balthasar Bekker i Amsterdam, som var ein læresvein av filosofen Cartesius, til kritikk av si samtids læra um trolldom, besettelser, hekser, pakt med djevelen osv., i si namngjetne skrift "De betorverde Wereld" (fullst. utg. Amst. 1633) = den fortrolla verdi. Denne boki vart motteki av den kyrkjelege ortodoksi med den sterkaste samrøystes motstand, og dømt "verdigg til evigt myrker" og brent og forf, avsett.<sup>128</sup> Det var som motbevis mot Bekkers kritikk av Joh. Brunsmann gav ut "Kjøge Hus-Kaars" paa latin i Leiden 1693.<sup>129</sup>

I framhaldet av si bok tok Bekker fatt ogso paa Brundsmands skrift<sup>130</sup>. Men i neste danske utgaava av Hus-Kaarset (1700) avviste Brunsmand innvendingane fraa dr. Bekker, "det Helvedis Afskum", som "bygte paa atheistiske Griller og Phantasier"<sup>131</sup>

Soleis tok daa grunnen til aa svikta under den kyrkjelege ortodoksi paa eit punkt, som der hittil ikkje hadde vore den minste tvil um.

NB Forskrivelse til djevelen; Werlauff 461 f.

## NOTER TIL TROLLDOM I OG II

1. 1617 12/10 §2, 1643. II. 28.2
2. Ny.
3. = 1617 12/10 §1 ; 1643 II 28.1
4. magiske teikn.
5. 1617 12/10 §1b
6. = 1643 II.28.1b.
7. 1938 11/11 10.15 4 tilh.
8. Brandt II, 148 f., Skeie I, 41.46. 89-90
9. Skeie I, 47.
10. Luther Erl. LX, s. 79 (Grisar III, 249)
11. 1941 21/3 11.15-12 4 tilh.
12. DN IX 93.94.
13. PRE<sup>3</sup> VIII, 32
14. Mirbt<sup>3</sup> nr. 331
15. DN XVII 959.988.1111.
16. Weim. XVI. 552 jfr. 551; N Paulus 30.
17. NP 38,39.
18. NP 43.
19. NP 54.
20. NP 153 ff.
21. NP 92f, PRE<sup>3</sup> VIII, 34.
22. PRE<sup>3</sup>XIX, 573.
23. Franz II, 629
24. Erl. II, 151; Pall. II, 221.
25. Pall. I, 101.
26. Pall. II, 262-4.
27. Franz II, 559 ff.
28. Grisar III, 631 f.,
29. ib. II, 341 f.; Pall I, 373<sup>2</sup>
30. Daniel Cod. lirurg. II, 510 n. (etter Luther XXII, 1104)
31. (Pall. I, 373<sup>2</sup>) PRE<sup>3</sup> XIII,606.
32. 1938 11/11 11.15-12 3 tilh.
33. Pall. D. skr. I, 103-5. DK1 I, 69.225 f. 463. Pall.II,235-67.
34. D. Skr. I, 381-90
35. V, 110-111
36. utg.: pølles
37. D. Kanc. reg. 1535-50, 129.130.
38. DMag. 3.I, 52-67
39. DMag. VI, 24-27

40. Ny KhS III, 604-8
41. Laur. N. 752; Ohrt. I, 23.
42. Laur. N. 744. 745.
43. (fleire uppl. EhrM. VI, 455) Ohrt I, 21-24.
44. Stemann, Rh. 171 (III. 63)
45. Dkl II nr. 375, jfr. Gl. dske Domme III nr. 81.
46. Jfr. Grønland, Ribe. Saml. t. jydsk H. og Top. 3. III, 271-2;  
Ib. VIII, 151-6; III, 197-203; Khs 3. VI, 377-81.
47. Hist. Archiv Ny R. XII, 248, 249.
48. N. Mag. I, 315. 351. 377.
49. NSTub 17 (jfr. Stav. Domb.Prot. 15 f.).50. 72-3. 129 f. 160.
50. N. Herred. Domb, 1578, s. 44. N. Saml. I, 248-250.
51. St. DPr, 26
52. NR II, 571.III, 302 f.
53. NR IV, 300.
54. N, Saml. I, 230.
55. ib. 230, 232.
56. N, Saml. I
57. N, Saml. I, jfr. Rørd.Kbh.Un.H. III, 55.
58. NR IV, 388 f, 389 f.
59. Paus 568-9; DKl nr. 63; Secher III nr. 473.
60. 1938 18/11 10.15-11. 3 tilh.
61. R.Th. Chr. s Setlar.
62. Øverland IV, 645 ff. Sv. Landsmålen XVI.4, Sth. 1918.
63. berre Øv.
64. RTh Chr.setlar.
65. Øv. 651-2.
66. Håløygminne bd. IV, s. 159-62
67. RThChr. setlar.
68. RThChr. setlar.
69. Håløygminne bd. IV, s. 162-5. 180-3
70. RThChr.
71. Øverland IV, 652.
72. RThChr, setlar.
73. ei av desse er vel den kvinna fraa Namdal som er nemnt av  
Øverland 652.
74. EviensensSaml.I. 4, s. 3; Øv. IV, 653-4
75. RThChr. setlar.
76. Sunnmøre hist. lag, Tidskrift 8-9, 1916-17, 32 f.
77. ib. I, 16-23.
78. Strøm, Søndmøre II, 497.

79. RThChr. setlar.
80. NRR IV, 148-9.
81. NMag. II, 182.
82. ib.
83. 191
84. 196-7
85. NRR VI, 436.573.605.627.688.707. VII, 299.
86. N. Mag. II, 197
87. ib. 198 f.
88. N. Saml. I, 526.
89. Skand. Litt. Selk. Skr. XIX, 372-4, etter Brunsmann Anh, til  
Kjøge Huus-Kors.
90. NMag. II, 219.
91. StDP 60.60 f. 78.
92. NR IV, 388 ff.
93. (A.E. Erichsen), Heksen Johanne Pedersdatters Historie,  
Stvg, 1917 Erichsen, Saml. t. Stav. Hist.
- 93b. Torkell Mauland, Trolldom, Kra. 1911.
94. RThChr setlar.
95. Erdman Jenssen, Chrands Krønike 17-23. Øv. IV, 654-5
96. ib. 35-38
97. Syn og Segn 1919.
98. RThChr setlar
99. RThChr setlar
100. Jens Raabe, En storbygd, s. 41-44.
101. RThChr, setlar
102. Bygd og Bonde 1921, 162-6;
103. ib. 1922, s. 157-8
104. Vidar 1887, 553-60
105. 1938 18/11 11.15-12 2 tilh.
106. Hist. Archiv Ny R. XII, 251-2.
107. SDP 421-3, 435-6, 436-
108. Bang Hexeformularer f. IV-VI meddeler ein signeformular fraa  
andre helvti av 1500talet som han meiner er sendt til ein  
prest i Tinn. - Dette sluttar Bang visstnok av innleidings-  
ordi: Dominus pastor meus, men det er eit bibelcitat, Ps.23,1.
109. Thrap, Berg.Kf. s. 78.
110. RThChr setlar
111. jfr. Hansens Archiv II, 388
112. Holberg; den sorte Skole udi W. (Hexeri eller blind Allarm III, .)
113. Øverland IV, 663; Werlauff, Ant. 1492-3. Nord. Univ.Tidskr.  
II.3, s.121.

114. Kirke og kultur 1926, s. 304.
115. Østberg, Svarteboka 133 f.
116. ib. 128-33.
117. 1941 28/3 10.15-11. 4 tilh.
118. Ohrt I, 27 f.
119. Werlauff, Ant. 445-6; NNPet Lith. III, 143 f.; Wad, Refor-  
matorene paa Herulfsholm 177 f.
120. Skand. L. Skr. XIX, 372 f.
121. (Jens Bircherod 1.2.uppl., H. Masius 4. uppl.) Wad. 178-80.
122. Saml. t. jydske Hist. o. Topogr. 3. III, 207. Werlauff Ant. 457.
123. Troels Lund VI, 49.
124. Werlauff. Ant. 459.
125. Saml. t. jydske Hist. og Topogr. 3.III, 217-8.
126. Dan. Bibl. VIII, 566.
127. DBL IX, 377.
128. KlexfN I 251.
129. Bruun, Rostgaard I, 35.512.
130. 4de bok 1693
131. Werlauff 448.

## Religionseinskapen og andre religionar

Den nye kyrkjeordning, som vart innført i Danmark og Noreg ved reformasjonen, fastslo med ein gong, at der skulde raada fullkomen læreeinskap i den danske og norske kyrkja.<sup>1</sup> - Som lærenorm reknast Confessio Augustana 1530, og læreeinskapen vart konsekvent gjennomført i praksis. Serleg tydeleg kom læreeins- skapsprinsippet til orde imot utlendingar som vilde slaa seg ned i dei tvo rike; for deim vart plikti til aa samtykkja i den gjeldande læra gjort til vilkaar for aa busetja seg i Danmark og Noreg. Læra vart formulert i 25 artiklar, 1569, som maatte godtakast av dei framande. Læreeinskapen galdt uten undantak for alle kongens undersaattar, og vart naturlegvis serleg strengt kravt av presteskapet. Annarleistruande var der ikkje rom for, - spesielt ikkje gjendøpere, sacramentere, papister. Konfesjons- tvangen vart gjennomført med ubøygjeleg rigorisme, ogso ved rettslege midlar, og serleg i fyrste fjordedelen av 1600talet. Prestar og studentar som førte kjetterisk læra, vart arvelause og landsforvist. Utlendingar som innvandra, maatte lata seg undervisa i den same Guds frykt og barnelærdom hjaa prestane, ikkje inn- føra "nogon ny religion og dyrkelse", "og ikkje gjeva offentleg forarging med sereigne religions-exercitier."<sup>2</sup>

Kongen utferda strenge forbod serleg mot papistar og atter- døyparar. Ved forordning av 19. juni 1613<sup>3</sup> og recess av 31. mars 1615<sup>4</sup> vart papistar gjort arvelause, dei maatte ikkje vera eller busetja seg i riki, enn mindre innehava embete eller tenesta her, og dei som hadde studert hos jesuitar, kunde ikkje faa embete mer. Ved forordning av 28. februar 1624<sup>5</sup> vart romersk-katolske munkar, jesuitar og prestar utestengde fraa desse rike og land, og "alle andre secters hemmelige exercitier, øvelser, prædiken og sammenkomst" som var imot Confessio Augustana, forbodne. Med brev av 8. januar 1625 forlangte kongen, at gjendøbere i Kjøpen- hamn skulde lata sine born døypa i vaare kyrjor eller pakka seg ut pr landet.<sup>6</sup> -

I sitt dogmatiske hovudverk "Universo theoloie systema" 1633 i dedikasjonen til kongen, priste Jesper Brochmand Christian IV for hans konfesjonelle kyrkjepolitikk: "Fra Din første Regjerings- tiltrædelse har du arbeidet derhen, at alle Dine undersaatter tænkte og talte ens om Gud og de guddommelige Ting. Og det har Du gjort med en saadan Fremgang, at de, der afvege i religiøse

Meninger, nu vanke landflyktige, langt borte fra de Majestæten undergivne Riger og Lande. En saadan Lykke forstaae kun de ret at skiøne paa, der af ærfaring have lært, hvilken bestandig Pest og Ødelæggelse for Riger en blandet Religion er, som væbner og opflammer Forældre mod Børn, Undersaatter mod Øvrighed".<sup>7</sup>

Men medan den konfesjonelle einskapen soleis vart konsolidert og strengt hevda i dei tvo sambundne kongerike D. & N., vart dørene etterkvart opna for annarleidstruande i Holstein og Schleswig, fyrst paa Schauenburgsk, so paa hertogeleg Gottorsk, og tilslutt paa kongelegt umraade, nemleg ved religionsprivileg for byane Altona, Friedrichstadt og Glüchsburg. Det var mindre ut fraa religiøs toleranse enn ut fraa materiell interesse dette skjede - det galdt aa hjelpa upp nybygde byar ved handel og samferdsel.<sup>8</sup> I Altona ved Elbe, som dengang var ein bygdeby i det schauenburgske greivskapet Pinneberg, tilstod landsherrane i 1601 fri religionsøving for alle "Religionsverwandte", - nemleg reformerte, mennonistar, romersk-katolske, og jødar. Dei reformerte og mennonistane slo seg straks ned her, og katolikane fylgde snart etter.<sup>9</sup>

I Friedrichstadt, ein nygrunnlagd by ved sudgrensa i Schleswig, nær ved Eider-osen, tilstod hertog Friedrich III av Gottorp 27/9 1619 full religionsfridom for nederlandske remonstrantar, - 13/2 1623 fekk mennonitane tilsvarende privilegium, og 24/2 1625 dei romersk-katolske. Ogso jødar fekk slaa seg ned her.<sup>10</sup>

I Glüchstadt ved Elbe, som kong Christian IV i 1616 grunnla i den kongelege delen av Holstein, fekk portugisiske jødar serrettar i 1630, og mennonistar i 1631.<sup>11</sup>

Daa Altona i 1640 gjekk over fraa Schauenburgarne til kongen, stadfeste Christian IV i 1641 religionsfridomen for dei reformerte og mennonitane i denne byen.<sup>12</sup>

I Danmark og Noreg var konfesjonstvangen framleides urikka, og religionseinskapen var ubrotten. I den store recess av 27. februar 1543 vart dei fyrrnemde spesielle forbod mot papistane upptekne og fornya (I - 3 - 1,2). Men for framande vart regelen fyrste gang broten i 1646, i Noreg.<sup>13</sup>

Dette tilstand stod urikka i over hundrad aar. Men for framande vart regelen fyrste gang broten i Noreg 1646. Initiativet til dette kom fraa stadhaldaren Hannibal Sehested, som daa stod paa høgdi av si makt. Han var ein verkeleg stadsmann, med stor verdskunnskap, vide faren, med syn for politiske realitetar, ein kraftig landsstyrar som fyrst og fremst hadde



Noregs oppkomst fyre auga. Eit av midlane til det var aa skaffa fri religionsøving for utlendingar som kunde gagna dette formaal med si verksemd og tenesta i landet.

Etter krigen med Sverige vart det, paa herredagen i Christiania 1646, medteke aa strykja defensjonsfloten som vart halden av privatfolk, men som hadde vist seg mindre effektiv under krigen. Dette skulde - heiter det - "med fremmede præsteres", og forat det betre kunde iverksetjast, løyvde kongen 17. juli 1646 deim religionsfridom, soleis at dei (overalt) kunde ha privata exercitia paa visse plassar, nemleg i Gamlebyen ved Christiania, paa Nordnes ved Bergen, og i den nye byen Christiansand ved Flekkerøy. Derimot var det under tap av arverett forbode kongens egne undersaattar og dei innfødde aa blanda seg i desse religionsøvingar og aa forandra sin religion.<sup>14</sup>

Samtidig, 18. juli 1646, løyvde kongen eit personlegt religionsfridomsprivilegium til den rike nederlandske kjøpmannen Selius Marselis, som aaret fyrr hadde sett seg ned ved Christiania (Marselisborg ved Pipervika) og hadde paateke seg aa levera 8 orlogsskip under krigen. Enndaa han var reformert - fekk han ikkje berre borgarrett og skattefridom, men ogsa den fyremun, at "han og hans ganske Huus maa være fri for Geistlighedens Molestie udi Religionen, naar han eller andre af hans ingen Skandal giver,"<sup>15</sup>

Baade det aalmenne og det personlege privilegium var nok ein torn i auga paa mange. I den danske adelen var der i det heile sterk motvilje mot Sehested, og etter Christian IV's død, enno fyre Frederik III var hylla til konge, avtok Danmarks riksråd det aalmenne religionsfridomsprivilegium for Noreg, 1. juni 1648.<sup>16</sup> Ved kongehyllingi i Christiania i august 1648 kravde den norske adelen og geitslegheiti av kongen, aa handheva religionen etter den augsburgske konfesjon,<sup>17</sup> og biskopane dertil serskilt, at framandartiklane av 1569 maatte gjelda, "at ikke Indvaanerne skulde forstyrres i Troens Enighed".<sup>18</sup> - I adelsprivilegia 31. august 1648/1. januar 1649 lova kongen aa halda uppe den augsburgske konfesjon i Noreg.<sup>19</sup> Men um framandartiklane var der ikkje korkje her eller paa annan maate tale.

Tvertimot: Kongen gjorde samtidig hermed tvo undantak fraa regelen: Han fornya religionsfridomsprivilegiet for Selius Marselis (24. desember 1648),<sup>20</sup> og i jarnverksprivilegiet for

Peder Vibe (3. februar 1649) samtykte han i, at "Haandverksfolk, Berggeseller og alle som til Verkets Brug og Tjeneste fornøden gjøres, være sig af hvad Nation eller Religionsforvandte de ere, skulle der udi Riget lides og tilstedes uden nogen Molestie af Geistligheden, saalænge de eller deres ingen Forargelse giver".<sup>21</sup> At det her er tale um "Religionsforvandte" ikkje "Religion" viser, at privilegiet likevel ikkje gjeld kva konfesjon som helst, men dei protestantiske, ikkje katolikkar og jødar.

Hermed var muren gjenombrotten. Seinare, serleg under Christian V, vart religionsfridomen etterhand utvida.

Den kyrkjelege reaksjon imot toleransepolitikken, som kom til orde ved kongeskiftet 1648, gav seg ogso utslag paa andre maatar i 1640-50-aari. I den kongelege delen av Schleswig -Holstein breidde mennoistar og andre atterdøyparar seg utanfor fristaden Glücksburg; landssynoden i Rendsburg 1646 forlangte skarpere tilsyn med deim,<sup>22</sup> og blandt presteskapet i hertugdømi vart læreinskopen styrkt ved forplikting paa Konkordieboki, innført ved Kgl. forordning av 14/4 1647.<sup>23</sup> Dei entusiastiske rørslor som var framkalla av m. Nils Svendssøn Chronich i Christiania og paa Christianshavn, resulterte i eit strengt forbod mot konventiklar, ved forordning av 24. november 1655. Forbødet raaka avvikande religionssamfund: "ingen særlig samkvem til nogen anden religionsøvelse bliver tilstødt og holdet, end den som hid indtil i vore kirker offentlig haver været øvet og brugt."<sup>24</sup>

Men eit undantak vart gjort. Det var ei fylgja av pariteten millom dei katolske, lutherske og reformerte ved den westfalske fred 1648 etter trettiaarskrigen: at framande residerande ministrar av annan religion skulde kunna bruka sine "religions-exercitia" for seg og sine tenarar og deira hus. Denne fridomen vart likevel sterkt inngjerda med restriksjonar. Slik tenesta maatte ikkje haldast utanfyre huset aat vedkommande, og ikkje for andre, korkje preika eller sakramentutdeling. Ingen annan enn ministrane og deira tenarar skulde ha rett til slik framand religionsøving, "om de endskjønt ere af samme religion", og ingen "af vores egen religion" maa vera tilstades.

Jødar var utestengte fraa kongeriki, og maatte ikkje nedsetja seg der. Ei forordning av 6/2 1651 forbaud uttrykkeleg jødar aa vitja Danmark utan serlegt kongelegt "geleitsbrief"<sup>25</sup>.

Men 19. jan. 1657 opna kong Frederik III sine rike og land for portugisar av hebraisk religion, serleg dei som var busett i

Amsterdam, Hamburg og Glüchstadt, til aa reisa og driva handel.<sup>26</sup>

I Holstein fylgde kong Frederik III den same religionspolitikk som dei tidlegare herrar i landet. Han fornya privilegia for dei romersk-katolske i Altona 16. mai 1658<sup>27</sup>, og daa byen vart gjort til kjøpstad, gav han ei aalmenn stadfesting paa religionsfridomen i dei nye stadprivilegia 1664.<sup>28</sup> I stadsprivilegia for Glüchstadt 30. aug. 1662 tilstod han alle parti fri religionsøving der i byen.<sup>29</sup>

For aa hjelpa upp den nybygde danske byen Fridericia i Jylland var det i 1664 paa tala aa innføra religionsfridom der, men det vart ikkje dengong noko av.<sup>30</sup>

Ei meir liberal aand tok til aa gjera seg gjeldande straks i dei fyrste aar av kong Christian V's regjering, og paanytt i 1680aari. Det hadde samanheng med tvo ting: Riksstyret, der Peter Schumacher Griffenfeld og Norges stathaldar U.F. Gyldenløve var dei leidande menn, tok upp eit maalmedvete arbeid for aa hjelpa upp manufacurerne og kommercien - industri og handel - og fleire lova seg eit stort resultat for handelen, um der vart innført ein so vid religionsfridom som mogelegt for framande som vilde setja seg ned i landet.<sup>31</sup> - Det andre var, at Christian V's dronning, Charlotte Amalie, prinsesse av Hessen-Kassel, var av reformert religion, og vilde gjerne taka seg av sine trudomsfelagar.

I 1670 kom det igjen paa tale aa innrøra religionsfridom i Fridericia<sup>32</sup>, og likeeins i Nyborg paa Fyen.<sup>33</sup>

I 1671 var det spursmaal um aa gjeva dei portugisiske jødane - som aaret fyrr hadde faatt sitt handelsprevilegium stadfesta<sup>34</sup> - rett til aa slaa seg ned i visse danske byar.<sup>35</sup> I 1671 gjorde det nye Kommercekollegiet framlegg um samvitsfridom (utan religionsutøving) for framande religionsvedkjennarar i Kjøbenhavn, Fridericia, Nyborg, "og en Par Stede i Norge"<sup>36</sup>

Spursmaalet um religionsfridom i Fridericia kom upp for tredje gong i 1674, og gjekk igjenom i Statskollegiet og vart godkjent av kongen i dei nye privileg for Fridericia av 9. sept. 1674 i den form "at libertas conscientia maatte for det første tillader enhver, som ei var af den Ausburgiske Confession, dog Christen Tro", og at naar der vart eit større tal familier av same religion, skulde dei "med videre kongelig Naade anses", og endeleg at portugisiske jødar skulde faa byggja ein synagoge.<sup>37</sup> - Katolikar og jødar slo seg straks ned i Fridericia.<sup>38</sup>

I 1671 26/9 gav kongen den franske ambassadøren Hugue de Terlon lov til aa byggja eit kapell for romersk-katolsk gudstenesta i sin residens i Kjøbenhavn.<sup>39</sup> Aaret etter (13/2 1672) vart den namngjetne danske lærde, nantomten Nils Stensen (Nicolaus Stenonius) som var gaatt over til den romersk katolske kyrkja i 1667 og no stod i tenesta hos storhertuden av Toscana, kalla heim fraa Firenze til fedralandet.<sup>40</sup> - Ved kongevalet i Polen 1674 var kong Christian V's yngre broder prins Jørgen ein av kandidatane til den polske krona, og hans overgang til den romersk-katolske kyrkja vart for aalvor dryffta ved danske hovet.<sup>41</sup>

I dei saker som her er nemnde, var meiningane meir og mindre delt blandt statsmennerne. Dette gjeld baade Terlons kapell og framlegget fra kommercekollegiet som vart fyrehavt i Statskollegiet i mai/juni og 26-27. juni 1672. Men hjaa danske kyrkjemenn støytte alle slike planar paa ein avgjort motstand.<sup>42</sup> I ein remonstrasjon av 16. august 1672 søkte Sjællands biskop Hans Wandal aa godtgjera, at den religionsfridom Kommercekollegiet fyreslo, var forkasteleg, det var kongens absolutte plikt aa handheva den sanne religion, og biskopen viste til at jesuitar og kalvinistar hadde framsett politisk faarlege prinsipp; heller kunde han tilraade aa gjeva jødane fridom, forat dei med tidt kunne vinnast for kristendomen.<sup>43</sup> - Daa ein av dei romersk-katolske prestane i Kjøbenhavn, jesuiten Heinrich Kircher, som fyrr hadde verka i Glüchstadt, gav ut paa tysk ein "Führer auf dem Wege zum Seelichheit",<sup>44</sup> klagte biskop Hans Wandal til kongen.<sup>45</sup>, og det resulterte i eit kongelegt forbod 14. okt. 1672 imot aa innføra i "Vores Riger og Lande" tyske bøker som handelr om fremmet Religion eller andet som nogen Twistighed eller Scrupel udi den rette Augsburgiske Confessions Troe og Religion kinde aagtes at foraarsage".<sup>46</sup> Det vart no heller ikkje til noko med minister Terlons Kapell.<sup>47</sup>

I samband med Nils Stensens opphald i Danmark (1672-74) utvikla det seg ein vidlyftig kontrovers millom dei heimlege lutherske teologane og honom, - utgangspunktet var ei bok som nordmannen Johan Brunsmand utgav i 1673 um den namngjetne italienske rettslærde Francesco Spiera, som ved inkvisisjonsdomstolen i Venezia hadde avsvore si kjætterske overtyding 1548 og derved vart eit tragisk offer for uhyggjelege samvitskvaler over at han hadde gjort meineid mot Gud sjølv.<sup>48</sup> - Med tilføre av prins Jørgens kandidatur til den polske trona

forfatta fire danske teologar ei fraasegn, der dei svara avgjort nei paa spursmaalet "om det er muligt uden Saligheds Spilde offentlig at bekjende den romersk-katolske Religion".<sup>49</sup> (26/5 1674)

Etter Griffenfelds fall 11/3 1676 lukkast det teologane aa venda kursen igjen.<sup>50</sup> Der vart klaga over "hemmelige og skadelige samqvenne af adskillige fremmede religioner", som lokka folk burt fraa kyrkja og den virkelege gudstenesta. Ei kgl. forordning av 6. april 1676 fornya forbodet av 1655 og avgrensa igjen religionsøvingar av andre konfesjonar til dei framande ministrane og deira husfolk, og forbod dessutan aa halda skule for born og ungdom i framande religionar. Elles skulde religionsfridomen i dei privilegerte byanae staa ved makt.<sup>51</sup>

Dei symbolske skriftene og religionseinskapen i lovrevisjonen 1669-87 sjaa kap. Chr. V's lover s. 12-18.

Forbodet vedrørande jødane fraa 1651 vart fornya ved handelsforordningi av 16/4 1681 (I.5)<sup>52</sup> og uppteke i Danske og Norske Lov.<sup>53</sup>

I kongens riger og lande var der paa denne tid ialt fem fri-stader for framande religionar, - tri i hertogdømi, tvo i Danmark, ingen i Noreg. I Altona, Glüchstadt og Friedrichstadt var religionsfridomen størst, der hadde dei annarleistruande rett til full religionsutøving. I Fredericia var religionsfridomen avgrensa til samvitsfridom for kristne, utan religionsutøving; i Kjøbenhavn var privat religionsøving tilstaatt framande ministrar og ingen andre.

Sjølv um religionseinskapen var fastslaatt i samband med dei nye lovbøkene for Danmark og Noreg, meldte atter spursmaalet seg om stillingi aat andre konfesjonar

I. For det fyrste med umsyn paa privilegerte religionsfristader i Danmark og Noreg likesom i hertogdømi.

Ved dei nye privileg for Fridericia 11/3 1682 var samvitsfridomen utvida til fri religionsøving:<sup>54</sup> § 21 "Religionens fri øvelse tillades enhver, som er af Christen Troe, om han endskiønt ei er saa lige af den Augsburgiske Confession; Desligeste bevilges og en Synagoge for Jøder som sig der vil nedsætte."

I Noreg vart det opna tvo religionsfristader, den eine utan, den andre med fri religionsøving. I dei nye privileg for Fredriksstad 25. april 1682 heiter det:<sup>55</sup>

§4 " Religionens Frihed skal være dem tilladt, som ere af anden end den lutherske Religion, undtagen Jøder, Socianer og

Phobinianer, og sig ville nedlægge, dog foruden nogen offentlig Religionsøvelse, og at de deres Eed for Magistraten aflægge, at de ville leve uden Forargelse, og ikke søge at drage andre Undersaatter til deres Religion; men, naar de blive formerede til en anseelig Menighed, vil Kongen være betænk paa, dem Plads til deres gudelige Tjeneste at forunde".

Ved privilegia for Christianssand 15. juni 1686 vart det gjeve framande fri religionsøving:<sup>56</sup>

§ 9. "Alle fremmede Religioner maae (= kan) sig der i Byen nedsætte, og lige ved Kongens indfødte Undersaatter trafiquere, som for dem selv og deres Familie maae nyde frit exercitium Religionis, naar de først for Magistraten deres Troskabs-Eed have aflagt, og derved forbinde sig til at være Lands Lov og Ret i andre Tilfælde undergivne."

I Fredriksstad var der sidan slutten av 1670 aari ein romersk-katolsk misjon, leida av jesuitar. General Johan Caspar de Cicignon, fraa Luxemburg, var kommandant her 1677-78, sidan inspektør over festningane i Noreg og budde sidan 1679 paa garden Trosvik ved Fredriksstad. Generalen var katolsk, og studde dei katolske prestane som verka her blandt katolske soldatar, sjøfolk og kjøpmenn. Biskop Hans Rosing i Christiania forlangte, at den papistiske surdeig skulde renskast ut av riket, men fekk ikkje medhald hjaa stadhaldaren. Tvertimot, istaden kom religionsprivilegiet for Fredrikstad 1682. Men privilegiet gav ikkje lov til offentleg gudstenesta for annarleistruande, og Christian V's nye norske lovbok av 1687 forbaud fraafall fraa statsreligionen, difor nytta det lite aa halda ved med den katolske misjon, og verksemd i vart innstilla 1691, daa den siste jesuitpater i Fredriksstad (P. Jodocus Weimers) vart kalla tilbake.<sup>57</sup>

II. I forbodet mot jødar gjorde Christian V strak visse lempingar.

I 1684 30/7 fritok han paany portugisiske jødar for forbodet, likesom fyrr.<sup>58</sup>

I 1688 4/8 samtykte han i at tyske jødar kunde slaa seg ned i "vore riger og lande" som tobaksspinnarar.<sup>59</sup>

III. Serleg merksemd vart det ofra dei reformerte, trudomsfelagane aat dronningi. I 1684 18/4 oppnemde kongen ein kommisjon av 3 juristar og 3 teologar for aa uttala seg um, paa hva vilkaar ein kunde gjeva dei reformerte fri religionsøving i "vore riger og lande";<sup>60</sup> alle desse menn, so nær som ein av juristane, hadde

vore med og fyrebutt Danske Lov. Teologane gav ei serleg fraasegn 17/5 1684<sup>61</sup>, og tilraadde tvo vilkaar, 1) at dei reformerte skulde bruke same ceremoniar ved si offentlege gudstenesta som i statskyrkja, og 2) at i blanda ekteskap skulde borni tilhøyra statskyrkja.

Den 3. jan. 1685 utferda Christian V paa tysk privilegium for dei reformerte utanlands som vilde gjeva seg inn i hans rike og nedsetja seg der;<sup>62</sup> privilegiet vart utvida ved forordning av 11 april 1685. - Tyske reformerte tok straks til aa innvandra, og snart fylgde franske, etter religionsfridomen for hugenottane (ediktet i Nantes) var avteke av Ludvig XIV i oktober 1685. Ei reformert kyrkja i Kjøbenhavn vart innvigd alt i 1685; i 1688 la dronningi grunnsteinen til ei ny og større, som vart vigd i 1689.

Dei danske teologane møtte den reformerte innvandring med ein kraftig polemikk, som vart ført i aari 1687-92 i skrift og tale. Hovudmannen var dr. Hector Gottfried Masius, tysk hovpredikant hos kong Christian V og professor i teologi ved Kbh. universitet. Han hadde overmaate stor vyrdnad i samtidi som teolog, og hans ord vart mykje paaakta. - Ved forordning av 6. sept. 1690<sup>63</sup> avgrensa kongen privilegia for dei reformerte noko.

17. november 1685 "haver Kong Christian V forundt de Papistiske fri og aabenbar Religions Exercitium paa visse Steder her i Danmark." <sup>64</sup>

## NOTER TIL RELIGIONSEINSKAPEN OG ANDRE RELIGIONAR

1. 1938 25/11 10.15 -11 2 tilh.
2. jfr. Kbh. Dipl. V, s. 72-73. DKl III, nr. 114. 1625.
3. DKl III nr. 42.
4. nr. 48.
5. nr. 108
6. Kbh. Dopl. V, nr. 139.
7. Helveg I, 311.
8. Jensen-Michelsen IV, 246f.
9. Schröder-Biernatzki I, 166. Jensen-Michelsen IV, 247-249.255.257
10. Jensen-Michelsen IV, 249.253.257. Jensen, Kirchl. Statistik I, 15.
11. Schröder- Biernatzki 413.
12. Jensen-Michelsen IV, 248.255.
13. (Mot papismen, s. 197-111)
14. Johnsen, Aktstykker I, 577. NRR VIII, 430.
15. NR IX, 220. Jfr. N. Birkeland i Smaaskr. +. A. F. Kriegerog Fridericia i DBL (uriktig med umsyn paa motivet for privilegiet?)
16. NR IX, 19-20. N: H. Sehesteds memoire 1648 §14: Thyra Sehested. Hannibal Sehested II, 64.
17. NR IX, 128. N.Hist. T. I, 49.
18. Heffermehl, Geistl. Møder, 71. Ukorrekt, Johnsen, Stænder, 261.
19. NR IX, 151. 260.
20. NR IX, 220. Atter fornya 30/11 1659. NR XII, 286
21. NR IX, 308.
22. Pont. Ann. IV, 378. 380-1.
23. ib. 386
24. DKl. III nr. 382.
25. Secher VI nr. 6.
26. Reg. Dan. 11851.
27. J.-M- IV, 249
28. s. 247.
29. J.-M. IV, 252.
30. Lindbæk, Statskoll. I, 205. 210.
31. Fabricius, Griff. 165.
32. Statskoll. II, 25.27f.
33. ib. II, 56.59.62.
34. KhS 3III, 145.
35. Fabr. Griff. 165
36. Statskoll. II, 126 f.



37. Statskoll. II, 381f. 388.
38. Trap, Danmark.
39. KhS. 3III, 145 f.
40. A. D. Jørgensen, Nils Stensen, 161.
41. Chr. H. Brasch, Det polske Kongevalg 1674, Kbh. 1882.
42. D. Saml. 2.VI, 325-9. Statskoll. II, 129-38. 224-28.
43. 1938 25/11, 11.15-12. 2 tilh. Helveg<sup>2</sup>I, 477-9.
44. Worm I, 529.
45. Statskoll. II, 192-5.
46. Kwartutg. av Forordn. 1670-83, s. 164.
47. O. Nielsen, Kjøbenhavn V, 348.
48. PRE<sup>3</sup>XVIII, 648 f.
49. N. Theol. T. 3 II, 266-72.
50. Ein viss reaksjon i Statskoll. alt 25. jan. 1675. Statskoll. II, 515-7. Jfr. II, 560.
51. DKl III nr. 515.
52. Kartutg. 1670-83, s. 689.
53. DL 3-20 - 1.2 NL 3-22-1.2.
54. Schou <sup>2</sup>I, 203.
55. Wessel-Berg I, 109.
56. Wessel-Berg I, 150.
57. Dahr III, 713-5.
58. Kwartutg. 1683-99, s. 138-9.
59. Kbh. Dipl. VII nr. 332.
60. Helveg<sup>2</sup>I, 504 f.
61. KhS. 3. III, 151-4.
62. Schou 1. utg. Kwartutg. 1683-99, s. 214-17.
63. KhS 3 III, 160-64.
64. KhS 3 III, 149, etter Farstrup og Axelsons Dagbøger ved J. Becher, s. 96.